

# Velkommen til Gardssogene



Band 2

# SYKKYLVEN

GARDSSOGA II

AV

GUSTAV WEIBERG AURDAL

UTGJEVAR

SYKKYLVEN SOGENEMND

1975

## Innhold:

Side

|  |     |
|--|-----|
| <u>Gustav Weiberg Aurdal</u>                   |     |
| <u>Avstyttingar</u>                            |     |
| <u>Føreord</u>                                 |     |
| <u>Føreord 2</u>                               |     |
| <u>Vik, gnr. 17</u>                            | 66  |
| <u>Blindheim, gnr. 18</u>                      | 135 |
| <u>Tjønes, gnr. 19</u>                         | 186 |
| <u>Ytre Tandstad, gnr. 20</u> (Ytste Øggarden) | 232 |
| <u>Tandstad, gnr. 21</u> (Tandstad Mellom)     | 247 |
| <u>Tandstad Indre, gnr. 22</u> «Instøggarden»  | 278 |
| <u>Straumgjerde, gnr. 23,</u>                  | 286 |
| <u>Straume, gnr. 24,</u>                       | 330 |
| <u>Dravlaus, gnr. 25</u>                       | 364 |
| <u>Velle, gnr. 26</u>                          | 403 |
| <u>Hjorthol, gnr. 27</u>                       | 462 |
| <u>Brudevoll, gnr. 28</u>                      | 498 |
| <u>Lade, gnr. 29</u>                           | 531 |
| <u>Drotninghaug, gnr. 30</u>                   | 567 |
| <u>Hole, gnr. 31</u>                           | 587 |
| <u>Brunstad, gnr. 32</u>                       | 635 |
| <u>Fet, gnr. 33</u>                            | 698 |

Fotografisk opptrykk og innbinding:  
Norbok a.s. Oslo/Gjøvik. 1986

ISBN 82-990986-2-9



*Bygdebokforfattar Gustav Weiberg Aurdal døydde den 21. mars 1975, nær 60 år gamal. Med han er ein sermerkt personlegdom og ein sjeldan aktiv og interessert lokalthistoriker gått bort.*

*Gustav Weiberg Aurdal var fødd 5. juni 1915. Han fekk utdanning som lærar og var nokre år realskulestyrar i Herøy. Seinare studerte han medisin, men på grunn av sjukdom måtte han slutte studiet.*

*I ti år var han redaktør av Sykkylvsbladet, men frå 1962 har han ofra heile si arbeidskraft i arbeidet med gardssoga for Sykkylven. Dette arbeidet låg spesielt godt innanfor hans store interessefelt. Han hadde sterke historiske interesser og ei utprega ættekjensle med sans for tradisjon i bygde- og bondesamfunnet.*

*Gustav Weiberg Aurdal var mykje sjuk det siste åra og kreftene minka, men han hadde ein sterk vilje og stort livsmot til å stå mot sjukdomen. Dei siste åra såg han det som sitt mål å få fullføre del to første banda av gardssoga, og dette klarte han før sjukdomen tok heilt overhand.*

*Gustav Weiberg Aurdal har gjort ein stor innsats for soge-arbeidet i Sykkylven, — eit arbeid som vi vonar også vil bli verdsett høgt i dei komande tider.*

*I sitt arbeid med gardssoga har han reist seg ein verdig bauta, og hans minne vil leve.*

*Leif Ramstad*

## Avstyttingar i dette bandet: [\(Til innhald\)](#)

|                     |  |
|---------------------|--|
| Bl.korn             | blandkorn  |
| bnr.                | bruksnummer  |
| br.                 | bruk, brukar   |
| ca.                 | cirka (om lag)   |
| d.                  | død  |
| dlr.                | dalar  |
| f.                  | fødd   |
| g. m.               | gift med   |
| g. 1. g., g. 2. g.  | gift første gong, gift andre gong  |
| gnr.                | gardsnummer  |
| lnr.                | løpenummer   |
| ml.                 | mællag, mæle   |
| mrk.                | mark, merker   |
| pd.                 | pund   |
| rbdlr.              | riksbankdalar  |
| skl.                | skilling   |
| skp.                | skjeppe  |
| spd.                | spesidalar   |
| «Sykk. i eldre tid» | heradsagronom Ola Tandstad si sogebok<br>«Sykkylven i eldre tid I»   |
| t.                  | tunne (korn)   |
| utsk. frå           | utskilt frå  |
| Utvsnr.             | Utvandrarsoga nummer, d.v.s.<br>biografinummer i lektor Martin Gjævenes<br>si sogebok<br>«Utvandrarane frå Sykkylven». |

### Mynt:

Før 1813: 1 riksdalar — 6 mark eller 4 ort = 96 skilling.

1816 - 1876: 1 spesidalar = 5 ort — 120 skilling.

Vekt og mål:

1 våg = 3 pund a 24 mark = 72 mark = 18 kg.

1 våg = 4 mællag a 18 mark = 72 mark.

1 skippund = 8 våger. I 1876 vart 1 skippund sett til 160 kg.

1 bytunne ~ ca. 162 liter.

1 tunne korn i 1600-åra 4 mæler = 16 fjerdingår 72 kanner = ca.

139 liter. 1 tunne korn eller fisk i 700-åra og 1800-åra = 3 mæler = 120

potter = 115,8 liter, 1 skjeppe = 8 kanner = 15,4 liter.

## **Føreord** [\(Til innhald\)](#)

Sykkylven Sogenemnd har tidlegare gjeve ut fylgjande bøker: «Utvandrane frå Sykkylven» av Martin Gjævenes (1957), «Sykkylven i eldre tid» ved Ola Tandstad (1962), Gardssoga for Sykkylven, band I» av Gustav Weiberg Aurdal.

Gardssoga for Sykkylven, band I kom ut i 1972 og omfatta gardane frå og med gardsnr. 1 Ørsnes til og med gardsnr. 14 Aure.

Gustav Weiberg Aurdal arbeidde så vidare med gardssoga og vart å rekne ferdig med manuskriptet til 2. bandet. Noko arbeid stod att då han fall i frå. Vi var så heldige å få lektor Martin Gjævenes til å ta seg av dette. Han gjorde manuskriptet klart til trykking og har vidare lese korrektur på det heile. Lektor Gjævenes har også tidlegare vore til stor hjelp i bygdesogearbeidet for Sykkylven. Vi takkar hjarteleg for hans store velvilje.

Ved oppsettinga synte det seg at manuskriptet til andre bandet vart større enn pårekna og ein måtte av den grunn diverre redusere ein del på biletstoffet.

Ein stor del av bileta er ved fotograf P. P. Lyshol. Vi har elles fått med teikningar av eldre tunskipnader på nokre gardar. Vi takkar dei som har arbeidt ut desse teikningane. Vidare har folket på dei gardane dette bandet omfattar vore til god hjelp med opplysningar.

Vi takkar for all god hjelp og velvilje.

### 3. bandet av gardssoga

Sykkylven formannskap har tidlegare gjort vedtak om at Gardssoga for Sykkylven skal verte på tre band. Det som no står att, Sørestranda til Gjævenes og vidare Furstranda, Søvikdal og Ramstaddal vil kome med i siste bandet.

Lektor Martin Gjævenes har ei tid vore i arbeid med innsamling av arkivstoff og er komen godt i veg med arbeidet. Vidare har vi frå

Lars Aurdal (Fjore-Lars) fått mykje godt arkivstoff som vi er svært takksam for.

Vi vonar at det ikkje skal gå så svært lenge før også 3. bandet av gardssoga kan verte ferdig.

Sykkylven, august 1975.

#### SYKKYLVEN SOGENEMND

Hans Tu  
Trygve Sraume

Sverre Andestad  
Norvald Fet

Hans Petter Tynes  
Leif Ramstad, form.



## **Føreord II**

til ny utgave av band II ([Til innhald](#))

I 1985 vart bygdesoge- og museumsnemnda utselde for gardssoga band II. Det vart difor vedteke noko seinare at vi skulle prente ny utgave av denne boka, og det er den som her ligg føre.

I den nye utgava må ein merke seg fylgjande;

Gardssoga band II var noko stor i høve til band I. For å jamne ut storleiken har vi derfor flytta over sidene 9 til og med 65 (gardane Klokkehaug og Nakkegjerde) til band I som også vil kome i ny utgave.

I slutten av denne nye utgåva er medteke rettingar til boka.

Sykkylven, 19. mars 1986

### **BYGDESOGE- OG MUSEUMSNEMNDA**

Øystein Eliassen (formann)      Per Langeland   Sverre Andestad  
Per Arne Aursnes   Borghild Neset   Per Arne Grebstad      Bergljot  
Tandstad

## Vik, gnr. 17. [\(Til innhald\)](#)

Skrivemåten har vore Viik (i Aslak Bolts jordebok frå ca. 1440), Gulbrandzwick (i Olav Engelbrektson si jordebok ca. 1530), Wig i 1606, Wiig i 1626 og 1666, Wigh i 1640 og Wiig att i 1700-åra. Garden grensar i vest til Sykkylvsfjorden, i nord til Klokkehaug og Nakkegerde, i aust mot utmarka og i sør mot Blindheim der Vikeelva er grenseskil mest ned til sjøen. Denne elva renn i nord-vestleg retning gjennom Vikedalen som ved Høyset, ca. 6 km. frå gardstuna, deler seg mot dei to seterdalane Gimsdalen og Straumsdalen. Den nedre delen av elva fylgde i eldre tid den bratte Blindheimsreina mot sjøen, men har seinare brote seg nytt far og teke beinvegen. Det bar truleg til i 1760 då det er nemnt at elva endra laup. Øyra som ligg att på sørsida av elva, høyrer framleis til Vik. I 1870 - 80-åra bygde dei kvelvingsbru av gråstein over elva. Brunstad-Magnus (sjå Aure bnr. 14) var byggmeister for brua som vart nytta til 1937 då dei la om riksvegen og ny bru i betong kom opp eit stykke lenger nede.

Garden høyrde til Vik skulekrins med skulehus på Blindheim til krinsen i 1964 vart slegen saman med Aure. Småskulen har halde fram på Blindheim.

Både Klokkehaug gnr. 15 og Nakkegerde gnr. 16 høyrde i gamal tid til Vik som truleg er ein av dei eldste gardane i Sykkylven. Funna i jorda (Sjå Sykk. i eldre tid I, s. 64) har likevel ikkje vore serleg rike. I 1300 - 1400-åra budde rike og mektige hovdingar på garden, mellom dei Gudbrand Berdorsen som er nemnd i 1344 (Sykk. i eldre tid I, s. 216 og 300). Utenkjeleg er det ikkje at denne Gudbrand i Vik er ein av etterkomarane etter Kollbjørn på Greipstad og Ingebjørg Pålsdtr. frå Aure gjennom Arne på Korsbrekke og Solveig Gamlesdtr. på Velle si line, og at Gudbrand har ervt både Vik, Velle, Aure, Grebstad, Eidem og fleire andre gardar frå foreldra sine. Under Svartedauden (1349) var det truleg sonen Gudbrand Gudbrandsen som sat med godset.

Han var og umåteleg rik. Han let til å kome seg ikkje berre levande frå pesten, men han nytta etter segna også høvet til å slå til seg avfolka gardar i denne tida. Såleis auka han jordegodset sitt. Gudbrand sette opp nye og drustelege hus. Hans Strøm nemner i «Søndmørs Beskrivelse» 1766 at av dei store trebygningane som Gudbrand sette opp på Vik, ser ein framleis nokre leivningar som viser at byggetømmeret er tilhogt «på en besynderlig og nu omstunder ubekient Maade, nemlig med visse så kaldte Glep-Hug, saa at Spaanerne bleve rundaktige, og Tømmeret selv ligesom udhuiled og afdeelt i visse Ruder.» Etter tradisjonen skal det finnast att byggevyrke frå Gudbrand i den gamle og store Lånastova (Låna) som stod på bnr. 3 til 1965. Eigaren, Per Brunstad, gav då stova til Sunnmøre Museum som flytte henne til Borgundgavlen og sette henne opp att der. Då dei reiv denne stova på Vik, synt det seg at tømmeret hadde vore nytta i hus før. Det var svær al i dei gamle, grove stokkane som godt kan vere 600 år gamle.

I Tiendepenninglista frå 1520 er det nemnt to brukarar med Vik-namn. Det er Erik i Vigh som la 6 lodd sylv og 1½ våg rotskjær (tørrfisk) i skatt, og Knut i Guldbra(n)dzwich som la 1½ lodd sylv og 1 lodd 4 skl. for jordegods. Først på 1600-talet er det framleis berre to bruk på Vik, men i tida utetter til 1630 aukar det til fire, og frå 1704 vert det 5 bruk. Såleis heldt det seg til siste halvdel av 1800-åra då småbruka eller plassane vart rudde. I nyare tid har det vore stor og rask utvikling på Vik, serleg etter siste verdskrigen då industrireiseinga skaut fart for alvor. I kjølvatnet etter fabrikkane som vart bygde, kom bustadhus og forretningar. Det har kome nybygg langs elva eit stykke opp Vikedalen (Dalane), på Høgebøane og elles langs riksvegen. I 1950 sette L. K. Hjelle opp eit større hybelhus på Vik. Dette huset kjøpte Sykkylven kommune i 1952 og bygde det om til Kvileheim. Sjå under bnr. 6.

Innmarka var småbytt til 1831 då det var frivilleg jordskifte på Vik. Noko radikal endring kan det knapt ha vorte etter skiftet, for gardane var framleis nokså småbytte til 1878 då det kom nytt jordskifte. Bruka vart då utlagde slik ein finn dei i dag.

Kvar den aller eldste tunplassen har vore, er det vanskeleg å seie noko sikkert om. Ved jordskiftet i 1878 låg husa i Fenrikgarden og Sjursgarden om lag der tuna er no. Husa låg i ein klump med Fenrikstova lengst nord og nærast vegen. Bak henne låg Heljestova,

og så kom Sjurstunet litt lenger sør. Etter tradisjonen var det ein brunn ovafor Heljestova. For å sleppe å gå rundt huset gjekk Fenrikfolket gjennom «Heljegångja» når dei skulle hente vatn til hushald og buskap. Det hende at vatnet skola over bøttetrømen, og om vintrane kunne det fryse issvollar i gangen så det vart vanskeleg å gå der. Etter jordskiftet i 1878 flytte Heljetunet noko nærare sjøen. Fenrikgarden og Sjursgarden har seinare fått nye hus nokså nær tuftene dei hadde før. Dei to andre bruka på Vik hadde tuna sine lenger nord: Lånabruket mest nede ved sjøen, og Styrkåbruket lenger ute og oppe ved riksvegen. Lånatunet kan vere gamal buplass. Mykje truleg var det på desse tuftene huset til Gudbrand i Vik stod då han bygde den kjende tregata frå stova og ned til sjøen med ein svær port for enden av gata som broren Rove på Ringstad måtte banke på for å sleppe inn. (Sykk. i eldre tid I, s. 301.). Lånatunet vart i nyare tid flytt lenger opp og nærare riksvegen, først løa og seinare stova. Styrkåatunet har siste mannsaldrane lege for seg sjølv eit stykke lenger nord ved Styrkåbakken. Truleg kan tunet ha vorte flytt dit etter jordskiftet i 1831. Husa stod nedafor riksvegen til 1879 då Bernt Pedersen Vik flytte stova opp om riksvegen.

Gamleåkrane låg for det meste vest for riksvegen og hadde sine namn. Det var t.d. Storåkeren, Klingreåkeren (ein kåråker i Sjursgarden), Tobakksåkeren, Rompa o.s.b. Tust og skeidd vart nytta til 1870 - 80-åra då vasshjula kom i bruk. Sjursbruket tok truskevatnet frå kvennaveita aust for den gamle kvelvingsbrua på Vik. Det gjekk i veite langs Honnelbakken og sidan i trerenner som låg 2 - 3 meter over marka og ned til vasshjulet. Heljebruket nytta vatnet til Vikesaga for hjulet sitt. Lånabruket tok vatn frå Lånagrova, men måtte legge det i trerenne ca. 50 meter for å få høgd til overvasshjulet. Og Fenrikbruket måtte setje opp ei demme på Myrane og samle overflatevatn. Derifra leidde dei vatnet i veite nedover Lauparbakken til fremste hammaren. Nedafor stod hjulet. Som regel vart det i minste laget med truskevatn i Fenrikgarden. Dei fekk arbeide nokre timar, og så måtte dei stogge til det seig i att. I tørre verbolkar kunne ventetida bli fleire dagar. Seinare fekk Ole Johan Vik ein turbin i Grovadalen med maskinsnor til løa. Då den elektriske krafta kom, kjøpte gardbrukarane på Vik ein 6 - 7 hk. motor saman med Blindheim og Tjønes, og no sveiv alt lettare

Nokre år etter siste verdskrigen kjøpte same gardane sams truskeverk, men etter som kornåkrane har minka til mest inkje, har dette truskeverket vorte til lita nytte i seinare år.

I 1700-åra var det to bekkverk på Vik. Dette talet har seinare auka til fem. Kvernhusa stod ved Vikeelva: Fenrikkvernhuset var øvst av Vikekvernane. (Lenger oppe stod Myrekvernhuset på Klokkehaug). Eit stykke nedafor Gamlebrua var Sjurskverna. Lånakverna stod om lag der Lovise Nysæter sitt hus er no. Heljekverna stod nedst med Styrkakverna. Alle desse kvernhusa er no borte.

Utmarka til Vik ligg aust for garden og strekkjer seg opp gjennom Vikedalen på austsida av elva og fram i Gimsdalen. Tidlegare hadde Vik fleire setrar: Itlesetra, Legene og Åsetra (også kalla Årsetra), og dessutan Høyset og Gimsdalen som var i bruk til 1940-åra. I eldre tid kinna dei smør og ysta ost på setra etter gamal tradisjon. Grisen, som også var sommargjest på setra, drakk storparten av mysa, så det vart ikkje så mykje last att å få til gards. Men då meieridrifta kom i sving i 1890-åra og all mjølka måtte fraktast ned, vart det spørsmål om køyreveg. Kring 1900 gjorde Vik, Klokkehaug og Nakkegjerdugnad og braut veg til Høyset. Derifra sette dei opp løypestreng, ca. 1 km i luftline, til Gimsdalssetra. Det kosta å halde strengen ved like, og det vart difor snart slutt med mjølkefiringa. I 20 år bar setredeiene avdrotten frå stølen til Høyset, men i 1930-åra heldt oppsitjarane stordugnader med deltaking frå heile bygda. Dei bygde då resten av vegen, ca. 2 km, heilt til støls. Ikkje svært mange år etterpå vart det slutt med setringa. Sela har etter kvart falle ned. Men folketomt er der ikkje på Gimsdalen likevel om sommaren. Mange har no sett seg opp hytter der inne.

Vikekarane slo i gamle dagar mykje småhøy langt opp gjennom Vikedalen. Dei hadde kvar sine teigar med utmarksløer, og køyrde høyet heim på vinterføre. Men mest kjend er dalen for den verdfulle skogen sin. Vikedalen er ein av dei få stadene i bygda der noko av gamleskogen vart berga, i alle høve så mykje at skogen kunne frøe seg og vekse til att. Vik har ca. 2.500 dekar produktiv fureskog, og det er ikkje så reint lite byggevyrke som år om anna vert drive fram frå desse teigane. I seinare tid har oppsitjarane også planta ein heil del. På eit par stader, eit stykke heimafor Reset og i Tromyra, har dei funne tufter etter gamle kolmiler. Jorda er svart av trekol her. Grana veks serleg godt på desse stadane.

I 1903 var det skogskifte i Vikedalen, men teigane var likevel nokså smådelte til 1959 då det kom nytt skifte. Skog og mark vart då utlagde til eigedoms grunn.

Jordbruk og feal har vore viktigaste næringsgrunnlaget også på Vik heilt fram til 1940-åra. Kornet var godt og årvisst. Matrikelkommisjonen fra 1724 seier at garden er tungvunnen for høy, men seinare heiter det at garden er lettbrukt og har framifrå god jord. I ein takst frå 1822 står det at Vik var veldyrka. Den nedste eller synste delen hadde ein «temmelig god græsbund», men den øvste eller nordre delen hadde skinnare jordbotn med sand. Dei såkalla «udenge» som låg i utmarka, var betre grasbundne. Jord-dyrkinga kom godt i gang etter utskiftinga i 1878 og heldt fram etter beste mønster både under første verdskrigen og seinare. Garden hadde då dugnadslag. Brukarane gjorde bytearbeid både vår og haust, og kunne arbeide fleire dagar hjå kvar. Etter siste verdskrigen har gardsdrifta minka av. Kornåkrar finst det knapt i 1974. På heile garden er det berre 6 - 7 mjølkekyr. Somme av gardbrukarane har nokre fôringsdyr på bås. Fenrikgarden driv med sauer. Store deler av bruka er utlagde til tomter.

Garden ligg lagleg til ved sjøen, og fisket har difor spela ei stor rolle som attåtnæring. Alt i 1700 er det t. d. nemnt gamle torskegarn og sekkenot i Heljegarden, og i 1707 var det både laksenot og torskegarn i Lånagarden. Seinare er det også mest jamt nemnt fiskereiskapar i skifta. Frå gammalt høyrde det med lakseverpe til Vik. Garden har hatt retten til lakseverpet nord for Hauneset på Klokkehaug, truleg som ein leivning frå tida før Klokkehaug vart utskild frå Vik som eigen gard. I 1760-åra åtte eit par brukarar på Vik part i jakter slik at dei kunne føre både fisk og landbruksvarer til Bergen, og byte i kjøpmanns varer. Dei som hadde sans for pengar, utvikla det til kjøp og sal, og slike bondehandlarar har det vore mange av på Vik ned gjennom tida. Den første ein kjenner namnet på, er Jon Pedersen Vik som dreiv handel i 1757.

I seinare tid var det notlag på garden. Seinot kjøpte oppsitjarane ca. 1910. Peter Bastian Vik i Styrkågarden var ein av dei mest kjende notbasane. Karane gjorde storvarp etter sei fleire gonger, m. a. på «Lånaleirå». Ein langfredag feitsilda gjorde landgang, fekk dei så mykje sild i seinota at dei berga fram 10 hl trass i dei store mauskane. Det var under første verdskrigen, og prisen var då 10 kroner hektoliteren. Notlaget hadde også ein trerøring som

høyrdde til bruket, men det vart slutt med laget i 1939 då nota strauk med underer ein lauseld.

#### VIKESAGA.

Skogen i Vikedalen har ned gjennom tida gitt god attåttinntekt. Garden hadde sag i Vikeelva. Tradisjonen nemner 3 sager, men etter alt å dømme har det til kvar tid vore berre ei sag i drift, og denne saga har dei så med tida flytt lenger og lenger nedover elva og nærare sjøen. Det finst merke etter sagleger både ved Bruakvitla og ved Sagvollen som ligg lenger nede. I 1612 skar dei 50 tylfter bord, i 1613 skatta dei for 80 tylfter, men så minka det år for år til berre 6 tylfter i 1634. Den svære rovhogsten av skog som hadde gått føre seg siste hundreåret, hadde fått sine fylgjer også for skogen på Vik. Saga fekk no ei lang kviletid. Ein måtte i denne tida ha kongeleg løyve til å skjere bord, og rasjoneringa var så streng at det var med nauda folk fekk tak i ei fjøl på lovleg vis. På tinget i Honningdal i 1725 vart dei fem bygslemennene på Vik spurde om dei kunne skjere litt på den vesle flaumsaga si, dersom dei kunne «bekomme en Stokk fra lange veier af». Det heiter vidare i denne føreteljinga at skogane her i fogderiet var for mange og lange tider sidan «ganske udhugne», og ingen ting var å få her utan i neste fogderi, Romsdal. Dit var det 6 - 8 mil til sjøs, og det var både tungvint og dyrt å frakte det så lange vegar. I 1727 skar dei på Vikesaga berre nokre bord som trongst til likkister og husvøling, «thi her i Fogderiet findes aldeles ingen Skog som kan frembringes til Sagtømmer.» Vike-saga var den einaste i Sykkylven i 1742, og skar då 1 à 2 tylfter til husreparasjon. Det står ikkje noko om kvar dei får tømmeret frå, men nokre år seinare får vi vite at det kom frå «odelsskog». Truleg må det vere skogen i Vikedalen med Rømer på Klokkehaug som eigar. I 1758 vart saga flytt frå den staden ho hadde stått i 18 år, og kom no nærare sjøen. Året etter får vi eit nytt vitnemål om kor ille det stod til med skogen i Valle skippreie. Det er nemnt 4 sager: Honningdal, Solnør, Blindheim og Vik, men ingen av dei skjer så mykje som 4 tylfter sagtømmer av eigen skog årleg. Dette gjer det vanskeleg å halde fram med næringslivet til sjøs (båtbygging), det vanta material til husvøling, og det var så ille at folk måtte legge dei avlidne i jorda utan kiste. Futen tenkte vel at han no måtte ta dei sterkaste rådgjerder i bruk for

å atterreise skogen, og han let det gå ut ordre om å stenge alle sager og setje segl for dei. Men dette vart for mykje for ålmugen. Dei braut segla. Då saka kom opp på tinget i Honningdal 4. oktober 1759, meinte ålmugen at Kongen «af Særdelis Kongelig Naade vilde Pardonere» dei for dette, for dei hadde ikkje skore det minste til sal eller profitt «uden for at reparere deris forfaldne Huuse, og at have en Fjæl af hvilke de en Lig-kiste til deris Døde kunde empløiere». Hadde dei ikkje skore desse borda, måtte mange ha vorte gravlagde utan kiste. Elles ville ålmugen seie at ved dette forbodet var mange hus alt komne i ein så slett og miserabel tilstand at dei snart ikkje var til å reparere.

I 1760 skar dei 500 bord på Vikesaga. Vyrket til 8 av desse borda var teke på Ikornnes, resten truleg på Vik. Som nemnt tok Vikeelva nytt laup dette året, og det heiter no om saga at ho står med heil damstokk på jordeigarens grunn.

Vik fekk vanskar med å greie sagskatten sin desse åra, som rimeleg kan vere når dei ikkje fekk inntekt av saga. På tinget i Honningdal 1761 miste kammerråd Alsing tolmodet. Han let dei skrive inn i protokollen at dei no var komne fram til andre tingdagen, og klokka var «10 slett » om føremiddagen, men enda var ikkje ålmugen frå Sykkylven komen med restskatten for så vel dette som førre år. Alsing måtte no oppheve skattetinget, og kune ikkje gjere anna enn straks drive inn skatten ved utpanting, «da Almuen self for deris modvillige Udeblivelse maa tilskrive sig den deraf til deris Nachdel flydende Skade ».

Saga på Vik rusla og gjekk i åra som fylgde, og skar «nogle faa vankantede bord til Bygdens Fornødenhed», og det hadde no vorte skog nok i bygda til denne drifta. I 1819 kravde dei fem oppsitjarane på Vik takst på saga for å få fastsett sagskatten. Det heiter her at det var berre vår og haust det var nok vatn i elva til saging, og tømmeret kom frå skogen på Vik, og dessutan frå Blindheim og Tjønes sine skogar på andre sida av elva. Frå den andre sida av Sykkylvsfjorden kom det også litt tømmer, men det hadde minka i seinare år, for det var komne eit par andre sager i drift i nærleiken. Etter dette vart sagskatten fastsett til 80 norske spesieskilling årleg.

Frå 1904 byrja Vikesaga å få vanskar med vassstilførsel. Oppsitjarane på Blindheim selde ved denne tid ein vassrett i elva til ingeniør H. Schmidt som bygde sementsteinfabrikk på Blindheim. Han bægde vatn frå elva for å vaske ned sand til fabrikk sin, og no vart



det forlite att til saga. At heller ikkje Schmidt fekk nok vatn, høyrer også med til saga. Det var tvist og spetakkel. Saka gjekk heilt til Høgsteretten, men etter tradisjonen var det ingen som vann og ingen som tapte. Vikesaga leid av vassmangel under heile verdskrigen. Ho kom etter kvart til nedfalls, og låg til slutt på grøt og grunn. Men då Schmidt slutta med sement-steinfabrikken i slutten av 1920-åra, reiste oppsitjarane på Vik ei ny sag nede ved sjøen, og Vikesaga fekk på nytt ei glanstid. Drifta var etter måten stor i åra som fylgde. Ved sida av tømmeret frå Vikedalen kom det tømmer frå andre kantar av bygda, og frå Hjørundfjord og fleire av Storfjordbygdene. Edv. Vik i Heljegarden, Petter Brunstad i Lånagarden og Kristian Vik i Sjurs-garden var mellom dei som styrde med saga i denne tida. Under siste verdskrigen var drifta på topp, og saga var til stor nytte for både byggeverksemda og industrien i Sykkylven. I 1956 selde oppsitjarane på Vik både saga og grunnen til L. K. Hjelle som driv møbelfabrikk på denne staden. Tonen frå den gamle Vikesaga har tagna. Men nye tonar med høgre svingetal frå fleire sagblad fører tradisjonen vidare.

#### INDUSTRIREISINGA PÅ VIK.

Frå 1930-åra har fleire og fleire fått arbeidsplassane sine ved industrien som no har vorte viktigaste næringsgrunnlaget på Vik. Mange nye og store fabrikkbygg har kome opp langs sjøen heilt frå Vikeøyra og nord til bytet mot Klokkehaug. Sjå om dei einskilte fabrikkane under Brukarar.

#### MATRIKKELGARDEN VIK.

var i eldre tid sett i skatteklasse med heile gardar. Først på 1600-talet var skylda 6 våger fiskeleige. Av dette var 5 våger rekna for sjølve garden, og 1 våg for lakseverpet som høyrde til Vik. Landkommisjonen takserte også garden til 6 våger i 1661, og skylda heldt seg uendra i tida utover, bortsett frå ein prøvematrikkel frå 1714 som sette skylda til 6 våger 18 mrk., men dette stod ved lag berre kort tid. I 1838 vart den gamle skylda på 6 våger endra til 17 dlr. og 20 skl., og dette vart revidert i 1890 til 29,95 skyldmark.

Leidangen var 3 geitskinn i 1600-åra, og 1 rdl. 2 mrk. og 6 skl. i 1717. I tiend la Vik 7 t. havre, 1 t. bygg og 1 våg ost i 1666, og det same i 1717. For flaumsaga på garden betalte oppsitjarane ei årleg grunnleige på 5 rdl. i 1600-åra.

Skatteinntektene frå Vik gjekk i siste halvparten av 1600-åra og først på 1700-talet til løn for offiserar. Første gongen ein høyrer om dette, er i 1664, og det heiter då at garden er utlagt til «Fen-drichen». I skattelista frå 1670 står det at «efter Anordning niuder Fendrichen denne gaard fri». Først på 1700-talet var det fenrik Steffen Møllerop som fekk skatteinntekta (sjå Fenrikgarden bnr. 7) Oberstløytnant Rømer på Klokkehaug fekk utlagt Vik som frigard ca. 1717, og naut inntekta til han døydde i 1743. Såleis heiter det i ei kvittering frå Rømer: «Anno 1721 den 9. Nov. har Br. Foged Nicolaj Astrup betalt till mig, minn tilgode-hafvende frie Gaards Penger for indeværende Aar af Gaarden Wig i Søekølven med 20 rdl. — siger Tyeve Rixdaller, hvorfor hermed vedbørlig qviteres. Honningdall ut Supra. — C. F. Rømer.-»

Inntekta på 20 rdl. årleg frå Vik gjekk etter Rømer over til arvtakaren hans på Klokkehaug, kaptein Nils Mechlenborg, som også truleg hadde Vik som frigard til han døydde i 1757.

#### EIGARAR.

Først på 1300-talet var det truleg Gudbrand Berdorsen som åtte Vik. Sjå innleiinga. Etter Svartedauden (1349) sat den rike Gudbrand Gudbrandsen med garden. Det må helst vere sonen, og etter segna hadde han ein bror Rove på Ringstad og ein bror i Eiksund. Ca. 1440 var det framleis to brør som åtte Vik og Ringstad. Den eine heitte Ivar Steinarsen. Namnet på den andre broren veit ein ikkje, heller ikkje veit ein kvar dei budde. Men Ivar-namnet går att i Eiksund seinare, og det er mogleg at slekta hans kjem att der. Ivar åtte halve Vik, den andre broren hadde resten og dessutan heile Ringstad, og budde truleg på Vik. Han testamenterte Ringstad til Nidaros domkyrkje, og noko seinare tok han sitt eige liv. For dette måtte det svarast ei bot av eiga hans. I Aslak Bolt si jordebok vert det fortalt at Ivar Steinarsen greidde ut bota ved å overlate broren sin halvparten i Vik til erkebisp. Men erkebisp gjorde makeskifte med Ivar. Han fekk Ringstad som broren hadde gitt i testamentet mot at erkebisp fekk også den andre halvparten i Vik. Med dette hadde erkebisp

#### BILETE TEKE PÅ GIMSDALEN CA. 1960,

*Sitjande: Nikolai og Karoline Blindheim. Ståande frå venstre: Olave Hole, Hanna Drabløs, Guri og Bent Sandal, Klaus og Anna Vik, Jens og Ane Klokkehaug.*

fått hand om heile Vik. I erkebisp Olav Engelbrektsen si jordebok frå ca. 1530 finn ein att Vik under namnet Gulbrandsvik bygsla bort for 2 kyrlag og 2 pund. Etter reformasjonen i 1536 slo Kongen til seg jordegodset som domkyrkja åtte, og for å skaffe seg pengar pantsette han Vik og fleire andre gardar til nokre rike borgarar i Bergen. I 1649 skøyte kong Fredrik III. garden Vik over til stathaldaren Hannibal Sehested, men kort etter tok kongen att denne gåva. Henning Hansen Smith som ca. 1650 hadde kjøpt mykje av Giskegodset, kjøpte også Vik, og garden vart i tida utetter rekna under Giskegodset. Enkja etter Henning. Margrethe Rasmusdtr., gifte seg att med prost Hierman i Borgund. Han skatta i si tid av 800 våger jordegods, men då han døydde i 1689, var han skuldig tiende til kyrkjene i fogderiet av dei store jordeigedomane sine, og i skiftet etter han i 1692 fekk Kongen utlagt til eigedom fleire gardar for denne tiendegjelden, m. a. Vik. Etter matrikkelista i 1700 åtte tollaren i Bergen, Herman Garman, ein part på 1 våg fisk i Vik, men det har ikkje lukkast å finne ut noko meir om denne parten. I 1724 kjøpte major Carl Fredrik Rømer på Klokkehaug både Sykkylven kyrkje

med jordegodset som låg til kyrkja, og fleire andre gardar, m. a. Vik. Rømer åtte Vik til han døydde i 1743. Då kjøpte presten i Ørskog, Hans Jakob Hiort, det meste av Rømer sine eigedomar, også Vik, men Hiort let seinare versonen Nils Mechlenborg på Klokkehaug få ta over Rømergodset. I 1800 gav enkja etter Nils Mechlenborg, Sebastian f. Hiort, skøyte på to av bruka på Vik, Styrkågarden bnr. 5 og Fenrikgården bnr. 7, til versonen Jakob Eide på Klokkehaug for 240 rdl. Men i 1809 skøyte Jakob Eide desse gardane attende til Sebastian sitt dødsbo. Same året vart det auksjon, og sonen til Sebastian, Iver Fredrik Mechlenborg i Vegsund, kjøpte Vik for 1.360 rdl. Han selde Styrkågarden bnr. 5 i 1823 til Karl Fredrik Andestad på Vik for 600 spd. Resten av Vik vart seld på auksjon i 1832 til Halvor Pedersen Abelset. Sjå vidare under Brukarar.

## BRUKARAR.

### HELJEGARDEN (Hellegarden) bnr. 1.

*Ole Torsteinsen Vik*, brukte 12 mællag, dvs. halve Vik 15.- ca. 1630.

*Ole Sjursen (Sivertsen) Vik*, brukte 6 mællag ca. 1630 - ca. 1655. Han gifte seg i 1624 m. Berte Vik, gift att i 1638, men namnet på denne kona hans er ikkje kjent. Han la 1½ mæle korn i tiend i 1636.

*Peder Knutsen Vik*, f. ca. 1620 visstnok i Lånagarden (sjå bnr. 3). Peder som sat med garden ca. 1655 - ca. 1670, har truleg vore gift med enkja etter Ole. Etter Peder kom sonen til Ole Sjursen,

*Ole Olsen Vik*, (f. ca. 1646, d. ca. 1690), g. m. Anne Larsdtr. d. 1695.

Br. ca. 1670 - ca. 1690.

Dei hadde 4 born. Enkja gifte seg att 1691 med

*Helge Larssen* (f. ca. 1661, d. 1726) g. 2. m. Ingeborg Andersdtr. Løvoll (d. 1700) g.3. m. Eli Pedersdtr. (f. ca. 1670, d. 1755). Br. 1691 - 1726.

Helge var fødd på Eidem (bruk A). I skiftet etter førstekona hans, Anne Larsdtr. i 1695, gjer Peder Knutsen, som tidlegare har brukt denne garden, krav på 2 rdl. av buet som godtgjersle for den luten han åtte i Fenrikhusa. Då andrekona til Helge døydde i 1700, synte buet ei brutto eige på 80 rdl. og ein gjeld på 26 rdl.

I buet er nemnt m. a. 5 torskegarn, 1 sekkenotpart, 1 laksenotpart og 2 sylvskeier. Garden har fått namnet sitt etter Helge. I 1725 laga han til brullaup for dottera si Ingeborg som gifte seg med Lars Iversen Hole. Her gjekk det slik at grannen Lars Jørgensen Vik kalla Helge for ein gamal grå hund, og det barst i hop til slagsmål mellom karane. Kona til Lars ville skilje dei, og ho sette Helge i benken «såa han blev blodig i hovedet». Fogden stemnde dei for retten for slagsmålet, men saka vart utsett, og sidan fretter ein ikkje noko meir om henne.

Sonen til Helge frå 3. ektesk.,

*Lars Helgesen Vik* (f. ca. 1700, d. 1738) g. 1726 m. Anne Jonsdtr. Drotninghaug (f. ca. 1702, d. 1777).

Br. 1726 — 1738.

Enkja Anne Jonsdtr. gifte seg att 1739 m.

*Peder Ellingsen Furset* (f. 1705, d. 1762).

Br. 1738 — 1761.

Han fekk bygselsetel frå major Rømer på 5 mællag i 1738. Nokre år seinare er han nemnd som lagrettemann. I 1747 møtte han opp på tinget i Honningdal og synte fram fellar av to ulv-ungar som han hadde skote i utmarka til Vik.

Versonen

*Otte Nilssen Braute* (f. 1723, d. 1806) g. 1760 m. Helge Pedersdtr. Vik (f. 1740, d. 1804).

Br. 1761 - 1789.

Han fekk bygselsetel i 1761 frå Sebastian Mechlenborg på Klokkehaug mot å gi verfar sin avlinga av 1 mællag av bruket. Otte Nilssen var lagrettemann. Han dreiv bondehandel og åtte ei jakt på 10 lestar saman med Elias Aure, Jan Ebbesen Aurdal og Ole Blindheim. Han åtte også noko jordegods, m.a. Indre Viset i Ørskog. Denne garden selde han i 1774 til Ebbe Carsten Tønder for 80 rdl. Seinare gjekk det ut med Otte, i 1780 vert han stemnd for retten av Sjur Jakobsen Brunstad for ein gjeld på 21 rdl. Same året vert Otte og kona hans melde fordi dei hadde skulda Elias Aure for å ha teke vare på noko pengar som Peder Ellingsen Vik hadde levert han då Peder låg på sitt siste. Elias Aure hadde vore til Vik med eit par vitne og spurt Otte og Helge Pedersdtr. om dei tilstod skuldingane. Helge svara då at ho hadde hatt ein mistanke mot Elias for dette. Er han fri, då er alt godt for han, men er han ikkje fri, så skal han om kort tid få eit synleg lyte, anten på hand eller fot. Seinare hadde Otte teke opp att skuldingane og sagt at han og kona visste at Elias Aure hadde pengane.

I retten bad Otte om utsetjing av saka, og det fekk han. På neste ting kom det til semje. Helge Pedersdtr. vedgjekk i retten at ho ikkje hadde hatt skilleg grunn til å mistenkje Elias Aure for å ha teke vare på pengar som far hennar skulle ha levert han. Ho hadde vorte forførd av andre til å tru det. No bad ho om tilgjeving og lova aldri å nemne det meir, samstundes som ho bad om at venskapet med Elias Aure framleis måtte stå ved lag. Ho og Otte måtte betale Elias Aure 1 rdl. i sakskostnader. I skiftet etter Otte i 1806 synte buet ei brutto eige på 3 rdl. og ein gjeld på 9 rdl.

Sonen

*Peder Ottesen Vik* (f. 1764, d. 1798) g. 1793 m. Berte Larsdtr. Blindheim frå Larsgarden (f. 1769, d. 1849).

Br. 1789 - 1799.

Rygselsetel i 1789 frå Sebastianne Mechlenborg på 1 våg 14  $\frac{2}{5}$  mrk. Buet etter Peder i 1798 hadde ei brutto eige på 175 rdl. og ein gjeld på 132 rdl.

Enkja gifte seg att i 1799 med

*Knut Pedersen Langlo* (f. 1767, d. 1843).

Man fekk bygselsetel i 1799 frå Sebastianne Mechlenborg og sat som brukar til 1826.

Han var lagrettemann i 1811 og var skrivekunnig. I 1802 fødde han 1 hest, 10 storfe og 20 småfe, og sådde 4 t. havre og  $\frac{1}{2}$  t. bygg. Bruket hans var verdsett til 228 rdl., og den årlege bygselavgifta var 1 rdl. 36 skl.

Sonen

*Peder Knutsen Vik* (f. 1805, d. 1867) g. 1826 m. Iverine Petrine Knutsdtr. Nysæter (f. 1807, d. 1889). Sjå Sykk. i eldre tid I, s. 375.

Br. 1826 - 1870.

Peder fekk bygselbrev i 1826 frå Iver Fredrik Mechlenborg i Vegsund. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 1 våg 14  $\frac{2}{5}$  mrk., endra til 3 dlr. 2 ort og 4 skl. Peder fødde i 1845 1 hest, 9 kyr, 14 sauer, 5 geiter og 1 gris. Helje-garden skifte eigar fleire gonger i Peder si brukstid. Halvor Pedersen Abelset kjøpte i 1832 bruket på auksjon etter Iver Fredrik Mechlenborg. Halvor gav skøyte i 1844 til dotter si, Hanna Berte, g. m. Ole Andreas Rasmussen Håhjemsvik, for 200 spd. Då Hanna døydde i 1856, fekk enkjemannen utlagt garden for 590 spd., men han selde i 1861 til kona sin brorson,

Halvor Torkildsen Magerholm, for 675 spd. I 1865 vart Heljegarden seld på auksjon til Iver Eidesen Buholmstrand for 1186 spd. Med unnatak av plassen Bøen, bnr. 2, som vart utskild frå Heljebruket i denne tida, gjekk den eine halvparten av bruket no over til Iver Anderssen Heggen For 500 spd. Den andre halvparten selde Iver Buholmstrand same året (1865) for 517 spd. til

*Mikkel Rasmussen Engebø* frå Hornindal (f. 1824, d. 1886) g. 1850 m. Gunnhild Jensdtr. Roti frå Eid (f. ca. 1817, d. 1906).

Br. 1870 - 1872.

Born; Jensine (f. i Eid ca. 1845. d. 1927) g. 1873 m. tømmermann Nils Pedersen Løvdøen frå Hornindal f. 1847. Etter at Jensine vart enkje, styrde ho huset for Bastian Jakobsen Aure på Klokkehaug. Rasmus (f. 1854) g. 1882 m. Agnete Nikolaisdtr. Blindheim på Reitebakken bnr. 7. Hans (f. 1859), skomakar. Utvs. nr. 1021.

Mikkel Rasmussen skreiv seg også for Frislid. Han dreiv snikkar- og bygningsarbeid, og var m.a. kjend for å lage gode vevstolar. I 1866 kjøpte Mikkel også Iver Anderssen Heggen sin halvpart av Heljegarden og betalte 513 spd. for denne delen. Frå 1870 la han kår til Ivrine Knutsdtr. Vik. Mikkel sat som eigar og brukar i Heljegarden eit par år, men han hadde sett seg i stor gjeld, og det vart vanskeleg å greie avdraga. I 1872 kom garden under hammaren. Mikkel fekk setje seg opp ei lita stove tett utafor den gamle Sjurstova på Vik, og budde der. Enkja hans flytte seinare til sonen Rasmus på Reitebakken.

Til Heljegarden korm

*Ole Eriksen Heggebakk* frå Skodje (f. 1841, d. 1911) g. 1879 m. Berte Klausdtr. Magerholm frå Borgund (f. ca. 1854, d. 1943) Ho var halvsyster til Halvor Torkildsen Magerholm som tidl. hadde ått denne garden.

Born: Edvard f. 1880, g. på bruket. Klaus f. 1882. Utvs. nr. 1028. Sjå også bnr. 9. Johanne f. 1885 g.m. Jens O. Drabløs, bnr. 7. Ivrine f. 1889 g. m. Ole Peter Jenssen Blindheim i Hauolagarden. Lars f. 1890. Utvs. nr. 1029. Sjå også bnr. 14. Oluf f. 1893. Utvs. nr. 1030. Olava f. 1898 g.m. lektor Peter Eiken, Volda.

Ole Eriksen fekk auksjonsskøyte på Heljegarden i 1872 for 652 spd., og sat som eigar og brukar til 1905. I ungdomstida arbeidde han som bøkker, og gjekk så landbruksskulen. Kort etter at han var komen til Vik, kravde han jordskifte på garden.

Etter tradisjonen var han ein dagande gardbrukar, og på mange måtar ein føregangsmann. Han var ein av dei første i bygda som kjøpte seg skikkeleg plog til markpløgsel. I 1891 kjøpte Ole med eit par andre karar i krinsen ein separator og ei kinne og byrja med meieriverksemd i Fenrik-veslestova. Då Ole bygde nytt hus i 1892, flytte han meieriet dit og dreiv det til 1894 då meieriet ved Aure bru kom i sving. Elles var Ole E. Vik, som han skreiv seg, mykje med i kommunalt styre, m. a. var han ordførar i Sykkylven 1888 - 1898 og 1905 - 1907. Han var også ettersynsmann i Sykkylven Sparebank, seinare kasserar. Sjå «Sykkylven Sparebank gjennom 100 år».

Sonen

*Edvard Olsen Vik* (f. 1880, d. 1961) g. 1905 m. Karoline Karlsdtr. Ødegård frå Stranda (f. 1884, d. 1945).

Br. 1905 - 1950.

Born: Ole f. 1907 d. 1934. Han hadde vore på seisjøen. På heimvegen rodde han seg frampå ei flud og bleiv. Karl f. 1910, g. på bruket,

Edvard Vik tok over bruket i 1905. Skøyte i 1937 frå mor si for 5000 kroner. Han bygde ny løe i 1906, og dyrka opp ein god del jord. Serleg var han interessert i hagestell, og planta eple-, pære- og plommetre i Dalane. Han dreiv også fiske og hadde ei tid båt med Ole Johan Vik i Fenrikgarden. I mange år var han styremedlem i Sykkylven Privatbank.

Sonen

*Karl Edvardsen Vik* f. 1910 g. 1948 m. Oddny Nordal frå Vanylven f. 1918.

Br. frå ca. 1950.

Born: Kari Edel f. 1950, d. 1958. Kato Edvard f. 1958.

Karl Vik har bygt på og modernisert stovehuset. Han var medeigar i Vik og Blindheim Møbelfabrikk.

## VIK & BLINDHEIM MØBELFABRIKK.

Karl Edvardsen Vik frå Heljegarden (bnr. 1) og Karl Karolussen Blindheim (bnr. 35 og 19) hadde baa lang røynsle frå arbeid i møbelindustrien då dei i 1941 byrja med eiga verksemd. Dei tok til i kjellaren til Edvard Vik i Heljegarden, leigde seinare første høgda av fabrikk til L. K. Hjelle (bnr. 48) og hadde maskinavdeling saman med L. K. Hjelle. Dei emna på eige fabrikkbygg, og i 1947 kunne dei



flytte inn i eige hus på Vikeøyra på tomt under Helje-bruket. Sidan bygde dei på huset i fleire etappar. Produksjonen var stoppa møblar, og dei hadde 38 personar i arbeid då fabrikkjen gjekk som best. Karl E. Vik var disponent og Karl Blindheim var produksjonssjef.

I 1967 selde dei fabrikkjen til aksjelaget Svanemøbler. Sjå bnr. 22,

## BØEN bnr. 2

vart utskild frå Heljegarden bnr. 1 i 1866 med skyld 2 ort og 11 skl., rev. 1890 til 0,87 mark. Første brukaren i Bøen var

*Jens Peter Ingebrigtsen Velle* frå Knutgarden f. 1838, d. 1912, g. 1866 m. Petrine Pedersdr. Vik frå Heljegarden (f- 1845, d. 1925).

Br. 1865 - 1907.

Born: Peter Johan f. 1870, g. på bruket. Johan f. 1876, d. 12 år gml. ved skyteulykke i 1888. Sjå under Nakkegjerdet gnr. 16. Jens Peter f. 1880, lærar. Utvs. nr. 1015. Olivia Karoline f. 1888, d. 1962. Skreddar.

Jens Peter Ingebrigtsen kjøpte dette stykket i 1865 for 400 spd. av Iver Eidesen Buholmstrand som då åtte Heljegarden. Jens bygde stove og løe i Bøen, og dyrka opp det meste av plassen. I 1891 bygde han nytt stovehus. Buskapen i 1875 var 4 kyr og 10 sauer, og sånaden var 2¼ t. havre og 2 t. poteter. Ved sida av å drive bruket var Jens Peter fiskar. Han heldt ute åttringsbåt, og var ein av dei mest kjende høvedsmenn frå Sykkylven i si tid.

Sonen

*Peter Johan Jenssen Vik (Bøen)* (f. 1870, d. 1937) g. 1895 m. Lovise Petersdr. Klokkehaug frå bnr. 2 (f. 1866, d. 1915).

Br. 1907 - 1935.

Born: Jensine f. 1891, d. 1925. Skreddar. Johan Alfred f. 1895, d. 1925. Skreddar i Oslo, Ålesund og sist i eigen verkstad i Bøen. Petter Johan f. 1897 g. på bruket. Ingvald Sverre f. 1899, d. 1925. Skreddar. Jens Bøen f. 1902, politikonstabel i Ålesund g.m. Tonny Kasbara Kjøpstad f. 1909 i Sykkylven. Petrine f. 1904. Utvs. nr. 1031. Margit Bøen f. 1907 g. på bruket.

Peter Jenssen fekk skøyte frå far sin i 1907 for 3000 kroner og kår.

Ved sida av arbeidet på plassen dreiv Peter sjøen.

Sonen

*Petter Johan Olaus Petersen Bøen* (f. 1897, d. 1942) g. 1927 m. Anna Marta Andreasdr. Åmås frå Volda (f. 1898, d. 1956). Ho var utdana sjukesyster.

Br. 1935 - 1942.

Born: Per f. 1929, teknisk, g. 1954 m. Randi Pettersen frå Oslo. Arnljot f. 1930, stuert, g. 1952 m. Evelyn Andersen f. 1928 i Kristiansand. Johan f. 1931. Tok over bruket.

Petter Bøen fekk skøyte på bruket i 1937 for 3.500 kroner. Både før og etter at han tok over plassen var han vegarbeidar. Han dreiv også fiske.

Sonen

*Johan Pettersen Bøen*, f. 1931 tok over plassen i 1942 og dreiv han saman med mor si til 1957. Han hadde handelsutdanning og flytte til Oslo der han no har kontorpost. Plassen let han over til farsystemannen sin

*Petter Karl Pettersen Løvoll* frå Søvikdal f. 1906, g. 1943 m. Margit Pettersdr. Bøen f. 1907.

Br. frå 1957.

Barn: Per Karsten f. 1944. Han har gått landbruksskulen og er snikkar, g. m. Aud Margith Klefsås frå Orkdal.

Petter Løvoll er møbeltapetsrerar

.

### LÅNAGARDEN br. 3.

*Ole Pedersen Vik*, br. 15.- 1610.

*Peder Haugen* (eller Hansen?), br. 1610 - 1617. Han legg 16 dlr. i førstebyggsel for 2½ våg i fiskel. i 1610, og brukar såleis om lag halve Vik. Ca. 1613 vert Styrkåbruket utskilt frå denne garden.

Etter Peder kjem

*Knut Jørgensen Blindheim*, br. 1617 - ca. 1657.

Han legg 25 rdl. i førstebyggsel i 1617 for 1½ våg. Knut er bror til Sjur Jørgensen i Sjursgarden og Peder Jørgensen i Styrkå-garden. Desse karane må ha hatt noko kapital, for dei lånte pengar til kong Kristian IV. som hadde store utgifter til svenske-krigen 1634 - 1645. For å dekkje lånet gav kongen dei garden Rønneberg i Dale skippreie som brørne Knut, Peder og Sjur Vik, og dessutan Peder Knutsen Vik, selde i 1652 til Henning Hansen Smith på Giske.

Son til Knut

*Jørgen Knutsen Vik* (f. ca. 1636) br. ca. 1658 - ca. 1689. Han skatta av 6 mællag. Han var gift med Berte Larsdtr. (f. ca. 1643, d. 1725). Ho gifte seg att med

*Paul Jonsen* (f. ca. 1652, d. 1707).

Br. ca. 1690 - 1710.

I skiftet etter han i 1707 synte buet ei brutto eige på 136 rdl. og ein gjeld på 62 rdl. I buet er det rekna opp m. a. 1 kvern med reiskap, 10 kyr, 2 ungfæ. Vidare er det nemnt ein del kjøpmannsvarer, så Paul Jonsen har truleg sysla med bondehandel. Elles hadde han 8 torskegarn, 1 laksenot, 1 kjempefæring og fiske snøre.

Sonen

*Jørgen Paulsen Vik* (f. ca. 1590, d. 1745) g.l. m. Anna Salmundsdr. (Lade ?) d. 1720, g. 2. 1722 m. Synnøve Monsdr. (Mogensdr.) Aure på bruk A, g. 3. m. Berte Ellingsdr. Kjemphol frå Stølen bnr. 1 (f. ca. 1703, d. 1745).

Br 1710 - 1745.

Bygselbrev på 6 mællag frå Henning Castberg i 1710, nytt bygselbrev i 1720. Jørgen var lagrettemann frå 1716. I skiftet etter førstekona i 1720, var brutto eige 144 rdl. og gjelden 22 rdl.

Sonen

*Mons Jørgensen Vik* (f. 1724, d. 1793) g. 1. 1746 m. Anna Guttormsdr. Vik, visstnok frå Sjursgården, (f. ca. 1719, d. 1753) g. 2. 1754 m. Eli Larsdr. Vik frå Heljegården (f. 1734, d. 1808). Ho var i 2. og 3. ledd i slekt med Anna Guttormsdr., og Mons og Eli måtte søkje om kongeleg løyve til å gifte seg.

Br. 1745 - 1791.

Mons, eller Mogens som han skreiv seg, fekk bygselsetel i 1745 frå ørskogpresten Hans Jakob Hiort gjennom løytnant Mechlenborg på Klokkehaug. I 1750-åra er Mons lagrettemann. Han åtte ei jakt på 9 - 10 lester saman med Lars Pihl på Aure, Ole Eriksen Tjønes og Ole Pedersen Aure, og Mons dreiv bondehandel. I 1768 heiter det at han har handla med øl og brennevin. Mons Knutsen på Ytre Fauske, bnr. 3, stemnde Mons Vik for retten i 1776 for ei «doktorbok» som han hadde lånt og ikkje levert attende. Mons Vik hadde på si side lånt boka vidare til Lars Pedersen Vik i Fenrikgården. Lars måtte stå til svars for boka, levere henne attende til Mons Fauske og betale 3 rdl. i sakskostnader.

Sjå elles under Ytre Fauske bnr. 3. Det er tydeleg at dette har vore «boklærde» karar. Mons Jørgensen må ha hatt noko midel, for i 1707 låner Sebastiane Mechlenborg 100 rdl. av han, og Mons får Lånabruket i pant.

I skiftet etter Eli Larsdtr. i 1808 synte buet ei brutto eige på 117 rdl og ein gjeld på 33 rdl.

Dotter til halvsyster hennar i Heljegarden og mannen hennar tok over Lånabruket. Det var

*Gunder Jonsen Eide* frå Norddal (f. 1747, d. 1821) g. 1793 m.

Synneve Ottesdtr. Vik (f. 1774, d. 1845).

Br. 1791 - 1824.

Sebastiane Mechlenborg gav i 1792 bygsselsetel til Gunder Jonsen som var bror til versonen hennar, Jakob Jonsen Eide på Klokkehaug, men Gunder la kår til føremannen sin, Mons Jørgensen, alt frå 1791. I 1816 hadde sokneprest Kielstrup fått mistanke om at det gjekk føre seg brennevinshandel i Gunder Vik sitt hus. Det vart forhør. Peder Knutsen Hole hadde vore i Bergen og skulle heim, og han hadde då med seg 1½ t. brennevin som han hadde lagt opp i Gunder sitt hus. Mange bønder i Sykkylven hadde sendt med han pengar, opp til 100 riksbank dalar for einskilde personar for at han skulle kjøpe tobakk og brennevin til dei i Bergen. Peder Knutsen hevda at det ikkje hadde vore selt brennevin for 2 skl. ein gong i Gunder sitt hus, men lensmannen kverrsatte brennevinet, og saka vart send til amtmannen til vidare avgjerd.

I skiftet etter Gunder i 1821 synte buet ei brutto eige på 151 spd., og ein gjeld på 70 spd.

Enkja Synneve Ottesdtr. gifte seg att i 1823 med

*Peter Pedersen Brudevoll* frå Jogarden bnr. 1 (f. 1792, d. 1844). Buet etter Peter synte i 1844 ei brutto eige på 81 spd. og ein gjeld på 57 spd. Peter brukte ikkje garden. Han og kona gjekk over på kår i 1824, og Synnøve sin son frå første ekteskap tok over. Det var

*Mons Gundersen Vik* (f. 1794, d. 1864) g. 1827 m. Ane Marte Knutsdtr. Vik frå Sjursgarden (f. 1797, d. 1877),

Br. 1824 - 1851.

Bygsselsetel frå Iver Mechlenborg i 1824. I 1831 var det frivilleg jordskifte på Vik, og i 1838 var det ny skyldsetting. Den gamle skylda på 1 våg 14<sup>2</sup>/<sub>5</sub> mrk. vart då endra til 3 dlr. 2 ort og 4 skl. Sånaden på bruket var i 1845 1 t. bygg, 2 t. bl.korn, 3 t. Havre og 2 t. Poteter.

Mons fødte 2 hestar, 9 kyr, 14 sauer, 5 geiter og 1 gris.

I Mons si brukstid skifte Lånagarden eigar. Halvor Pedersen Abelset kjøpte bruket i 1832 på auksjon etter Iver Fredrik Mechlenborg i Vegsund, og i 1844 gav Halvor Pedersen skøyte på bruket til verson sin, bokbindar Martin Torkildsen Brudevoll, son til Torkild Nilssen Brudevoll frå Volda.

Då Mons sa opp bygselen, tok versonen over. Det var

*Kristen Halvorsen Abelset* ( f.1822, d.1903) g.1849 m. Guri Susanne Monsdr. Vik (f. 1827, d. 1919).

Br. 1851 - 1881.

Born: Hanna f. 1849 g.m. Ole Elias Løset. Peter f. 1851 g. på bruket. Marte f. 1854 g. m. Jens Larssen Brunstad i Fenrikgarden, Vik. Martin f. 1856 g.m. Berit Ivarsdr. Eikrem frå Bolsøy. Sjø Hotell Søndmør under Klokkehaug bnr. 3. Susanne f. 1858 g. 1. m. Nikolai Bastian Jakobsen Klokkehaug, g.2. m. Jørgen Gundersen Brunstad. Sjø Klokkehaug bnr. 1. Marthea *Marie* f. 1860 g.m. enkjemann Ole Elias Løset. Nikoline f. 1863, g.m. Jens O. Hellen. Mads *Kristian* f. 1865, g.m. Olava Olsdr. Brunstad frå Tostengarden. Dei tok over Sjursgarden på Vik. Ole f. 1867 g.l. m. Thomasine Karolusdr. Velle, g.2. m. Olave Karolusdr. Velle i Jogarden. Anne Johanne f. 1870 g.m. Jens Johan Ananiassen Aure, bnr. B. Utvs. nr. 1016 og 59.

Kristen Halvorsen Abelset var son til den rike driftearen og jordeigaren Halvor Pedersen Abelset f. Mork i Lyster som m.a. i 1833 kjøpte ein stor lut av Mechlenborggodset på auksjon etter Iver Fredrik Mechlenborg i Vegsund. Kristen var også velstående, og han åtte m.a. både Sjursgarden, Fenrikgarden og dessutan Lånabruket som han i 1851 først bygsla av verbror sin, Martin Torkildsen Brudevoll, men som han i 1853 kjøpte for 200 spd. Buskapen i Lånagarden i 1875 var 1 hest, 1 unghest, 9 kyr, 5 ungfe, 14 sauer og 1 gris. Dessutan fødte Kristen 1 ku og 4 sauer som kårkone, Ane Marta Knutsdr. åtte. Sånaden var 4 t. bl. korn, 5 t. havre, og 5 t. poteter. Han sette opp stort, nytt stabbur på bruket. Elles var han ein dugande smed. Etter tradisjonen var Kristen med på siste ulvejakta i Sykkylven. (Sykkylven i eldre tid I, s. 377).

Sonen

*Peter Kristensen Vik* (f. 1851, d. 1936) g.l. m. Berte *Jensine* Jakobsdr. Straumsheim frå Tormodgarden (f 1860, d. på barsel 1878)

g. 2. 1881 m. Nikoline Petersdtr. Brunstad frå Klausgarden (f. 1858, d. på barsel med barnet 1890) g.3. 1891 m. Anne Jensdtr. Brunstad frå Gunnagarden (f. 1868, d. 1939).

Br. 1878 - 1926,

Born: 1. ekteskap: Jens Petter f. 1878 g.m. Anne Pettersdtr. Eidem. Sjø Eidem bnr. 8. 3. ekteskap: Kristen f. 1892. Uts. nr. 1032. Nikoline f. 1896, d. 1964, g. på bruket. Hjalmar f. 1904, d. 1926. Guri f. 1907, g.m. Sverre S. Brunstad på Bøen.

Peter Kristensen tok over bruket ca. 1878, men han fekk skøyte på bruket først i 1911. Kår. I 1898 bygde han ny løe. Elles dyrka han ein del jord. Om vinteren dreiv han fiske.

Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda 2 dlr. 4 ort 18 skl. endra til 5,12 skyldmark.

Versonen

*Peter Ludviksen Brunstad* frå Klausgarden (f. 1889, d. 1945) g. 1917 m. Nikoline Pelersdtr. Vik (f. 1896, d. 1964).

Br. 1920--1950.

Born: Leiv f. 1918 g.m. Kjellaug Lillebø frå Vanylven. Sjø Brunstad bnr. 5. Per f. 1920, tok over bruket, Aksel f. 1925, ingeniør, g.m. Gunvor L. Vik.

Peter Brunstad var i USA til ca. 1913. Uts. nr. 239. Han tok først over Klausgarden på Brunstad, men flytte i 1926 til Lånagarden på Vik. Han dreiv i mange år både bruka og var kjend som ein dugande arbeidsmann. I Lånagarden bygde han ny løe i 1938, og flytte henne då nærare riksvegen. Han dyrka opp mykje av bruket, m.a. Høgebøane og Bakkane ovafor riksvegen. I alt hakkebraut han ca. 20 mål på Vik. Om vintrane dreiv han Borgundfjord fiske.

Sonen

*Per Gunnar Petersen Brunstad* f. 1920 tok ca. 1950 over garden. Han bygde nytt stovhus i 1957. Den gamle Lånastova let han i 1965 over til Sunnmøre Museum som flytte henne til Borgundgavlen og sette henne opp att der.

Ved sida av gardsdrifta arbeider Per Brunstad på fabrikk. Han har no lagt ut ein del av bruket til tomtefelt, m.a. «Høgebøane» som har vorte eit vakkert nybyggjarstrok.

#### TOMTER UNDER LÅNABRUKET bnr. 3.

*Jon Hanssen Hole* frå Holen bnr. 3 f. 1930, g. 1964 m. Ruth Marie Edvardsdtr. Skotte f. 1931. (Sjå Klokkehaug bnr. 63).

Born: Hans Olav f. 1966. Edvard Ove f. 1968. Jo f. 1969. Synnøve f. 1969. Anders f. 1969.

Både Jon og Ruth har lærarutdanning, og er lærarar ved Sykkylven linedelte ungdomsskule. Dei bygsla tomt på Høgebøane av Lånabruket og bygde hus i 1965.

*Aksel Brunstad* bnr. 47 og 108, f. 1925 ingeniør g.m. Gunvor Vik, f. 1926.

Born: Anne Eibeth f.1949. Norunn Paula f.1954. Guri Astrid f. 1961

Bygseltomter elles:

Sykkylven Kommune — Sandella fabrikk — Hj. Brunstad.

*Reidar Edvardsen Skotte* (Sjå Klokkehaug bnr. 63) f. 1925 g. 1957 m. Haldis Vangen frå Torsken f. 1931.

Born: Anne Frøydís f. 1958. Eli Oddrun f. 1950. Olav Martin f. 1965.

Reidar Skotte har lærarutdanning og er tilsett ved Sykkylven linedelte ungdomsskule. Han bygsla denne tomte i 1964 av Lånabruket og bygde hus same året (Høgebøane).

#### NYBØ bnr. 4.

Utskild frå Lånagarden bnr. 3 i 1887 med skyld 2 ort og 11 skl., rev. 1890 til 0,84 mark. I daglegtalen vart dette bruket først kalla Lånabøplassen, seinare Sandalbøen. Første brukaren her var

*Jens Larsen Brunstad* frå Jakobgarden (f. 1848, d. 1934) g. 1876 m. Marte Kristensdtr. Vik frå Lånagarden (f. 1854, d. 1909),

Br. ca. 1885 - ca. 1890.

Jens miste tidleg foreldra sine, og byrja i første tenesta si som gjetar berre 6 - 7 år gamal. Seinare fekk han tuberkulose i ein fot og vart liggjande til sengs i 2 - 3 år. Det vert fortalt at han hadde tenesteløn til gode hjå ein mann, og Jens hadde mykje bruk for pengar. Han kravde løna si, men husbonden svara at det kunne vel ikkje vere så turvande å betale ut desse pengane, for Jens kom nok til å døy likevel. Dersom han trong pengar, kunne fattigkassa hjelpe han. Jens kom seg likevel til att. Han lærde seg til skreddar og for rundt i bygda og sydde klær.

*Lars Jonsen Tusvik budde både i Tusvik, i  
Ullavika, på Lånabøplassen og på Aure.  
(bnr. 142) Dei sleit i trange kår, både  
Lars og kona, og vart kanskje merkte  
av det. Ho Petrine var stolt av mannen sin,  
og ofte sa ho: «E tikje han Lars e så pæne»*

Foreldra til kona hans tykte Jens var noko fattig til å gifte seg med dottera deira. Ca. 1885 fekk Jens og Marte feste eit stykke av Lånagarden, Lånabøplassen, og Jens bygde både stove og løe og la ned mykje arbeid på plassen. Ca. 1890 fekk dei ta over Fenrikgarden og flytte dit. Sjå bnr. 7.

I åra som fylgde leigde Kristen Vik bort plassen, men brukarane sat her berre kort tid. Etter Jens Larssen kom

*Severin Johansen Straumsheim* (f. på Riksheim 1863, d. 1934) g. 1892 m. Anne Helgesdtr. Drabløs frå Barbrogarden (f. 1866, d. 1947), Severin sat med plassen frå ca. 1890 til ca. 1896 då han flytte til Teigen på Straumsheim. Sjå Straumsheim bnr. 7.

*Karen Karolusdtr. Brunstad* frå Monsgarden (f. 1841, d. 1921) hadde også plassen nokre år, og etter henne kom

*Lars Jonsen Tusvik* f. 1844 g. 1871 m. Petrine Knutsdtr. frå Skodje f. ca. 1846. Han flytte seinare til Aure. Sjå Aure bnr. 142. Lars Jonsen var mykje nytta som kjøkmeister i bygda.

*Karl Larssen Velle* frå Djupedalen (f. 1861, d. 1936) g. 1891 m. Petrine Larsdtr. Haugset (bnr. 6) (f. 1871, d. 1944) hadde også Lånaplassen nokre år, til han i 1899 bygsla Tegane på Klokkehaug. Sjå bnr. 22.

*Lars Larssen Hjelle* (f. 1876, d. 1954) g. 1898 m. Jakobine Petersdtr. Klokkehaug (f. 1877, d. 1951). Lars dreiv slaktarforretning



og budde på Lånabøplassen til ca. 1915 då han flytte til Klokkehaug og bygde hus der. Sjø bnr. 8.

I 1917 kom

*Bent Haraldsen Sandal* frå Breim (f. 1888, d. 196?) g. 1917 m. Guri Martinsdtr. Vik (f. 1888).

Br. 1917 - 1955.

Born: Torbjørg f. 1918 g.m. disponent Martin Ellingsen Ekornes. Sjø Hellen bnr. 4. Martin f.1921 g.på bruket. Harald f. 1923. Kommuneingeniør, g.m. Asbjørg Ludviksdtr. Hole. Bergljot f. 1925 g. m. Jens Karlsen Tandstad (gnr. 21, bnr. 3). Borgny f. 1927 g. m. Oddvar Rieve Kristiansen. Sjø Vik.

Eigaren av Lånabøplassen, Kristen Halvorsen Vik, gav i 1901 skøyte på plassen til soneborna sine, Kristian og Guri Vik. (Sjø Klokkehaug, Hotell Søndmøre, under bnr. 3). Kristian reiste til USA, og det vart Guri som tok over Nybø med mannen sin, Bent Sandal. Han var underoffiser og hadde gått teknisk fagskule i Oslo. Frå 1911 vart han tilsett som oppsynsmann for vassdragsstellet. Ved sida av dette arbeidet dreiv han bruket Nybø som no etter kvart vart kalla Sandalbøen. Bent bygde nytt stovehus, sidan ny løe, naust og sel. Han dyrka godt opp bruket, m.a. alt ovafor Gjerdsvegen, og ein god del nedafor husa. I Bent Sandal si brukstid vart det arbeidd veg over bruket og ned til riksvegen.

Sonen

*Martin Bentsen Sandal* f. 1921, g.1948 m.Karen Johanne Jørgensdtr. Amdam frå Ørskog f. 1919.

Br. frå 1955.

Born: Bent Harald f. 1948. Torgunn f. 1950. Jørgen f. 1955. Edle Mildrid f. 1958. David f. 1964.

Martin Sandal har gått landbruksskule og teknisk skule. Då far hans slutta som oppsynsmann i vassdragsstellet i 1949, vart Martin tilsett i stillinga. Han fekk skøyte på Nybø i 1955. Same året vølte han og bygde på stovehuset. I 1958 la han nytt springvatn. Buskapen på bruket er no redusert.

STYRKÅGARDEN bnr.5.

Dette bruket vart truleg utskilt frå Lånabruket bnr. 1 i 1613. Første brukaren var

*Peder Jørgensen Blindheim*, br. 1613 - ca. 1650. Han la 16 rdl. i førstebygsel i 1613 for 6 mællag fiskel. i Vik. Peder var bror til Knut i Lånagarden og Sjur i Sjursgarden. Dei gav «sølv-forstrækning d.v.s. pengelån til kong Kristian IV. etter svenske-krigen i 1643 - 1645. Sjå meir om dette under Lånabruket bnr. 3. I 1634 var det grønår og dyrtid med hungersnaud på Sunnmøre. Peder Vik og Ole Blindheim saman med nokre andre naboar hadde då skote ein hjort «formedelst deris store hungers tvang». Dei vart melde for dette, og måtte betale 7 rdl. i bot.

Son til Peder

*Styrker Pedersen Vik* (f. ca. 1622, d. 1698) g. m. Guri Svendsdtr. d. etter 1698.

Br. ca. 1650 - ca. 1690,

Han var ein av dei djervaste talsmennene sunnmørsbøndene hadde i 1650- åra i kampen mot futar og andre embetsmenn som saug ut ålmugen med større skattar enn dei hadde lov til å ta, og elles for med fant og lureri. Styrker Pedersen slo lag med Rasmus Ingebrigtsen Myklebost frå Haramsøy. Store-Rasmus, som han vart kalla, hadde i lang tid lege i beisk strid med futar og andre embetsmenn, og hadde vore tre gonger til København med klagemål til kong Fredrik III. Kongen hadde lova hjelp, men han var så oppteken med krigar at han knapt hadde tid til å ta seg av griske embetsmenn i Norge. Styrker Pedersen Vik, Store-Rasmus og Claus Janechen på Bjørnøya i Borgund reiste i 1654 rundt på sunnmørsbygdene og greidde ut for ålmugen om mis-ferdene til embetsmennene, og dei tre karane bad om pengehjelp, ca. 2 skilling av kvar gardbrukar, til ei ny klageferd til Kong Fredrik III. Dei meinte å oppnå like stor skattelette for folk som det ferda kosta, så ålmugen kunne sjå på pengehjelpa sum forskot på toll og skatt. Dessutan ville Styrker og felagane hans ha med gave og helsing til kongen frå eit trufast folk som bad kongen sin om hjelp. Dei fekk det dei bad om, og med fullmakt frå ålmugen til å bere fram klagemåla, kom karane fram til København. Det var visstnok om våren 1655. Kongen tok mot dei med godhug, og svara at ved jonsoktider året etter skulle han kome til Kristiania og halde herredag, og då måtte dei møte fram der med klagemåla sine, så skulle dei få bot på vanstellet. Kong Fredrik III. fekk diverre ikkje høve til å fare til Kristiania i 1656. Prins Kristian møtte i staden. Embetsmennene nytta då høvet til å arrestere Store-Rasmus, og dei førde han som straff-fange

til Bergen. Futen Nils Knag reid i triumf heim att opp Gudbrandsdalen med klagebrevet frå sunnmørsbøndene i lomma. Då han kom til Bjørnekleiva i Romsdal, ramlar han av hesten og braut foten. Det sette seg verk i beinet, og foten måtte sagast av.

Før så langt kom hadde futen Nils Knag prøvt å finne skilleg grunn til å setje Styrker Pedersen og felagane hans fast. Dei hadde også klaga Knag til slottsherren i Bergenhus len, Ove Bjelke, for å ha teke ulovleg «junkerstoll av ålmugen, så det var rimeleg at Knag kleia i fingrane etter å få has på desse bråkmakarane. I 1655 tok han saka opp på tinget på Apalset og spurde ålmugen ut om kva Store-Rasmus og Styrker Vik hadde «bedrevet» i Sykkylven og andre bygder, om pengehjelpa dei hadde fått til ei reis til Danmark, og kva klagemål dei for med. Knag spurde og grov på ting etter ting, men fekk greie på lite eller inkje. I 1658 er Knag på nytt på offensiven, og no er det serleg Styrker Vik og Claus Janechen som er i søkjelyset. Futen ville også vite kvifor ålmugen hadde klaga på han til Ove Bjelke, og ålmugen svara at kvar av dei hadde betalt han 6 skilling i junkerstoll, men desse skillingane skulle vere futen vel unnt. Claus Janechen vart driven frå heim og gard. Store-Rasmus var arrestert men frigjeven mot kausjon frå sonen. Styrker Pedersen Vik var ein av dei siste som gav seg. Han budde i Styrkågarden til han døydde i 1698, og garden fekk namnet etter han. Han let etter seg ei brutto eige på 56 rdl, og ein gjeld på 38 rdl. Eldste sonen, Ole, «boende i Nordland eller Findmarken» hadde til gode heimafylgjet sitt, 20 rdl, og for dette fekk han utlagt av buet eit sylvbelte, ein koparkjel, ein skjering og 3 kyr. Elles fekk enkja sitje i uskift bu, men ho og sonen som tok over bygselen, måtte sjølv reparere «den brøstfeldighed som findes på husene».

Denne sonen var

*Svend Styrkersen Vik* (f. ca. 1665, d. 1735) g.m. Randi Andersdtr. Sætre (f. ca. 1668, d. 1741).

Br. ca. 1690 - 1716, sidan truleg halve bruket til 1735 med versonen

*Amund Olsen Dravlaus* frå Ellinggarden (f. ca. 1698, d. 1752) g. 1721 m. Guri Svendsdtr. Vik (f. ca. 1694, d. 1757).

Br. halve garden 1716 - 1735, sidan heile bruket til ca. 1755.

I skiftet etter Guri Svendsdtr. i 1758, ervde sønene Ole og Svend kvar 1 mællag fiskel. i Flem. Ole døydde 19 år gml. i 1759, og jordparten hans gjekk over til systera, Anne, g.m. Ole Knutsen

Ytre Fauske. Svend Amundsen og Ole Knutsen selde jordpartane i 1759 til Elisabeth Høeg, enkje etter Jørgen Høeg.

Son til Amund og Guri

*Svend Amundsen Vik* (f. 1736, d. 1798) g.l. 1755 m. Lisbet Klausdtr. Brunstad (f. 1732, d. 1780) g.2. 1785 m. Eli Larsdtr. Grebstad (f. 1743, d. 1821). Ho var enkje etter Gammel Anderssen Grebstad.

Br. ca. 1755 - 1790.

Han låner i 1779 31 rdl. av Mechlenborg mot pant i lausøyre. Det vart tvist om attendebetalinga av lånet, men Svend Amundsen vart i 1785 dømd til å betale skulda som då var 29 rdl. 3 ort, og dessutan sakskostnader. I skiftet i 1781 etter førstekona hans, Lisbet, synte buet ei brutto eige på 97 rdl. og ein gjeld på 73 rdl. I skiftet etter Svend i 1798, var buet fallitt.

Sonen

*Ole Svendsen Vik* (f. 1764, d. 1819) g. 1795 m. Siri Jonsdtr. Sveggerde, Stranda (f. 1769, d. 1825).

Br. 1790 - 1823.

Ole Svendsen fekk byggesetel i 1790 på 1 våg  $14\frac{2}{5}$  mrk. av fru Mechlenborg. Han var lagrettemann i 1812, og skreiv med førd penn.

Buet etter Ole hadde i 1819 ei brutto eige på 176 spd. og ein gjeld på 23 rdl. Enkja gifte seg att i 1824 med enkjem. Iver Knutsen Kjølås, og flytte til Stranda der ho døydde.

Gardeigaren, Iver Fredrik Mechlenborg i Vegsund, selde Styrkåbruket i 1823 for 600 spd. til Ole Svendsen sin verson

*Carl Fredrik Anderssen Andestad* frå Knutgarden bnr. 4. (f. 1795, d. 1829) g. 1823 m. Anne Elisabet Olsdtr. Vik (f. 1798, d. 1867).

Br. 1823 - 1830.

Carl Fredrik vart første sjølveigaren i Styrkågarden. Etter tradisjonen var han svært velstående. Han hadde fått mykje pengar hjå far sin, Anders Jonsen Andestad, som saman med Anders Davidsen Blakstadnes fann ein skatt på Alnes. Sjå Andestad bnr. 4.

Enkja gifte seg att i 1830 med

*Bernt Olaus Knutsen Nysæter* (f. Klokke 1801, d. 1849). Han var son til Gullsmed-Knut som etter tradisjonen dreiv gullsmedforretning i Kristiansund. Kona hans, Marit, dreiv Nysætra. Bernt Knutsen var brukar 1830 - 1840, og han fekk ord på seg for å vere ein svært flink

gardbrukar. Varaordf. i Ørskog 1842 - 847. Han var dessutan medhjelpar i kyrkja, lagrettemann og takstmann. Då Sykkylven sogneselskab vart skipa i 1833, kom han med i første styret. Romsdal Amts Landhusholdningsselskab heidra Bernt Knutsen i 1836 med å gi han ein premi på 8 spd. for innsatsen hans som bonde. Det er då nemnt at han hadde bygt fleire steinhus» og han hadde lagt ned springvatn, det første vi høyrer om i Sykkylven. Etter tradisjonen la han springvatnet til masstova, og han brukte trerøyrer. I 1838 bygde han ny løe i Styrkågården. Ho var så stor at folk i den tida spurde Bernt om det var kyrkje han emna på. Restar av denne gamle løa står på bruket framleis. I Bernt si brukstid var det frivilleg jordskifte på Vik (1831). Ved den nye skyldsettinga i 1838, vart den gamle skylda 1 våg  $14\frac{2}{5}$  mrk. endra til 3 dlr. 2 ort og 4 skl.

Bernt Olaus og Anne Elisabet gjekk i 1840 over på kår. Dei bygde seg då opp ei ny stove eit stykke opp i bakken ovafor vegen og flytte dit. Folk kalla denne stova for Styrkålåna. Ein dag først i 1850-åra skulle Anne Lisbet, som hadde vorte enkje, brenne seg kaffi. Det fata då eld i treausa hennar, og det gjekk så ille at heile huset brann ned. Huset vart ikkje bygt opp att.

Etter Bernt Olaus og Anne Lisbet tok syskena deira over bruket. Det var

*Bernt Olsen Vik* (f. 1805, d. 1899) g.m. Tyri Knutsdtr. Nysæter (f. 1810, d. 1891).

Br. 1840 - 1850.

Dei fekk bygsel på heile bruket frå Bernt Knutsen i 1840, men i røynda brukte dei visstnok garden i lag til 1850. I 1845 fødte dei i Styrkågården 1 hest, 9 kyr, 14 sauer, 5 geiter og 2 griser. Sånaden var 1 t. bygg, 2 t. bl.korn, 3 t. havre og 2 t. poteter.

Systerdotter til Tyri Knutsdtr. og Bernt Knutsen og hennar mann, kom no til Styrkågården. Det var

*Peder Karolus Olsen Lyshol* frå Pegarden (f. 1827, d. 1874) g. 1850 m. Anne Elisabet Pedersdtr. Vik frå Heljegarden (f. 1832, d. 1922),

Br. 1850 - 1873.

Born: Berte Oline f. 1851. Ho var jordmor, g.l. 1869 m. Lars Olsen Haugset, g.2. m. Bernt Klokke. Sjå Haugset bnr. 6, og «Hotell Søndmøre» under Klokkehaug bnr. 3. Bernt f. 1853 g. på bruket. Carl Fredrik f. 1856, d. 1861. Tomasine Fredrikke f. 1862

g.m. Ole Bastian Olsen Nakkegjerde bnr. 2. Karl Fredrik f. 1866. Sjø Klokkehaug bnr. 59. Peder f. 1870. Sjø Klokkehaug bnr. 59. Peder Olsen fekk bygselsetel i 1850 frå Anne Elisabet Olsdtr. Vik, enkja etter Bernt Knutsen. Same året som Anne Elisabet døy, 1867, gir ho skøyte på Styrkåbruket til Peder Karolus Olsen for 800 spd. og kår til Bernt Olsen Vik. Peder Karolus var dermed sjøelveigar. Etter tradisjonen fekk han garden mest gratis, for Anne Elisabet Olsdtr. hadde ikkje born. Men det gjekk ut med han økonomisk. Han var fæl til å drikke, og kom i stor gjeld til Elias Jonsen Aurstad på Klokkehaug bnr. 3. I 1870 fekk Elias Aurstad skøyte på Styrkåbruket for 1.300 spd. Peder Karolus fekk sidan bygsle bruket til 1873. I denne tida vart det også halde auksjon hjå han, og det einaste som var att i huset då lensmannen for, var eit tefat og ein komme, fortel sonedottera Johanne Berntsdtr. Vik.

Peder Karolus Olsen og Anne Elisabet Pedersdtr. fekk kår i 1873, og sonen tok over bygselen.

*Bernt Olaus Pedersen Vik* (f. 1853, d. 1928) g. 1872 m. Bastianne Joakimsdtr. Andestad frå Pegarden bnr. 3 (f. 1850, d. 1949).

Br. 1873 - 1928.

Born: Bernt f. 1873, lærar, gm. Anna Larsdtr. Hellen. Sjø Vik bnr. 11. Peter Bastian f. 1875, d. 1928. Lakseoppsynsmann. Johanne f. 1883, d. 1974. Karl Johan f. 1889 g.m. Anna Olsdtr. Aurdal. Sjø Vik bnr. 13. Anton Andreassen f. Velle 1895, fosterson. Han var systerson til Bastianne Joakimsdtr., og var berre 3 dagar gamal då Bastianne tok han med til Vik og amma han opp. Mor hans blødde seg i hel etter barselen.

Bernt Olaus Pedersen fekk bygselsetel i 1873 frå Elias Aurstad mot m. a. kår til både Bernt Olsen og kona Tyri Knutsdtr., og til Peder Karolus Olsen og kona Anne Elisabet Pedersdtr. Ca. 1879 flytte han den gamle Styrkåstova opp om vegen, fordi der var så verhardt lenger nede. Han bygde attåt ei storstove midt i huset og eit endekammers utover. Springvatnet som Bernt Olaus Knutsen hadde lagt ned i masstova, førde Bernt Pedersen no inn i kjellaren i det nye Styrkåhuset. I 1875 fødte han 1 hest, 10 kyr, 6 ungdyr, 26 sauer og 1 gris. Av dette åtte kårmannen Bernt Olsen 3 kyr, 1 ungdyr og 8 sauer. Sånaden var ½ t. bygg, 3 t. bl.korn, 6 t. havre og 4 t. poteter. Ved den nye skyldsettinga i 1890 fekk bruket ei skyld på 6,08 mark.

Etter at Bernt Pedersen Vik var død, sat enkja Bastianne i



*Styrkåstova (Styrkålåna) slik Bernt Olaus Pedersen Vik bygde henne opp att etter at han i 1879 flytte henne opp om vegen. Stova var i bruk til først i 1940-åra.*

*Foto: Karstein Oddm. Vik.*

fleire år med bygselen av Styrkåbruket. Dei siste åra ho levde var ho blind. Ho hadde i denne tida gud hjelp frå dotter si, Johanne B. Vik, og fostersonen Anton Andreassen Vik. Sjå bnr. 19. I 1930-åra søkte Bastianne Vik om å få rett til å kjøpe Styrkå-bruket i fylgje jordlova frå 1928, og det vart tvist med eigaren som sette seg mot sal. Saka enda i 1940 med at Bastianne Vik fekk rett til å kjøpe ca. 7 mål av bruket der stova stod, og dette stykket vart utskilt frå hovudbruket og fekk 0,30 mark i skyld. Sjå Styrkågarden bnr. 19. Resten tok eigaren i bruk. Det var

*Bastianne Pedersdr. Aure* frå Andersgarden på Aurdal (f. 1877, d. 1957). Ho var enkje etter Peter Carolus Nilssen Aure frå Jan-garden (f. 1860, d. 1924) som hadde fått utlagt denne garden etter førstekona si, Karen Larsdr. (f. Klokkehaug 1842, d. 1897) som på si side hadde fått garden etter førstemannen sin Elias Johnsen Aurstad frå Volda (f. ca. 1812, d. 1883) sjå Klokkehaug bnr. 3. Myregarden.

Peter Carolus Nilssen Aure hadde gått underoffiserskulen og avansert til kaptein. Elles var han livsforsikringsinspektør, styreformann i Sykkylven Sparebank frå 1895 til 1924, og dessutan ein interessert kommunepolitkar, m.a. ordførar i Sykkylven 1899 - 1904, 1908-1910 og 1919 - 1924. Sjå «Sykkylven Sparebank gjennom hundrad år» s. 92.

I 1901 flytte P. C. N. Aure frå Myrebruket på Klokkehaug og sette seg opp stove og løe på eit stykke av Styrkåbruket. Han fødde 2 kyr på dette stykket. Etter brannen i Ålesund i 1904 vart det stort spurlag etter sand, og P. C. N. Aure bygde då kai og leverte sand frå Einehaugane. Han la to tre-renner frå grushola til sjøen, leidde vatn i veite frå Tverelva i Vikedalen og vaska på denne måten grusen ned til kaia. Denne verksemda dreiv han til ca. 1910. P. C. N. Aure og Bastianne hadde borna Sverre som var sivilingeniør (f. 1899, d. 1955) og Nils f. 1904.

Som nemnt tok Bastianne Aure over hovudbruket i 1940 i tillegg til det ho hadde av bruket frå før, og ho fødde no 5 kyr, 4 sauer og 1 hest i åra framover til ho i 1957 let bruket over til sonen

*Nils Petersen Aure* f. 1904. Han har gått mellomskule og landbruksskule. I åra etter siste krigen har han dyrka 8 - 10 mål jord. Fleire tomter er no selde frå bruket.

#### SJURSGARDEN bnr. 6.

*Nils Knutsen Vik* skatta i 1614 som husmann. Han er i 1617 nemnd saman med *Erik Vik*.

I 1630-åra veks dette bruket til same storleik som dei andre tre bruka på Vik, samstundes med at Heljegarden bnr. 1 minkar til halvparten.

*Sjur Jørgensen Blindheim* f. ca. 1606, brukar 6 mællag ca. 1630 - ca. 1670. Han er bror til Knut i Lånagarden og til Peder i Styrkågarden. Sjå Lånagarden bnr. 3. I 1653 vert Sjur stemnd for retten av Anders Hansen, tenaren til Margrethe i Hanken, for 2 tylfter bord som han var skuldig. Sjursgarden har fått namnet sitt etter denne brukaren.

Sonen

*Ole Sjursen Vik* (f. ca. 1640), brukar 6 mællag ca. 1670 - ca. 1704. I 1684 vart brukarane på Vik stemnde for retten for å gjere greie for ein hjort som dei hadde jaga og drepe. Ole Sjursen og grannen hans, Ole Olsen i Heljegarden, gav til svar at dei aldri hadde vore med på å jage og drepe hjort, men Styrker Pedersen sa at han ein gong, etter ordre frå fenrik Tomas Hansen, hadde vore på jakt, og dei hadde då fått ei dyrkolle. Elles hadde han ikkje hatt noko med jakt å gjere.



## SJURSGARDEN VERT DELT.

Ca. 1704 vert det frå Sjursgarden skilt ut eit nytt bruk som son til Ole, Hans, tok over. Dette bruket fekk namnet Fenrikgarden (Sjå bnr. 7) Ole Sjursen heldt fram som brukar i Sjursgarden til ca. 1710. Då kom (versonen?)

*Guttorm Knutsen* (f. ca. 1677, d. 1749) g. ca. 1710 m. Marte Olsdtr. (f. ca. 1684, d. 1744).

Br. 1710 - 3743.

Guttorm fekk bygselsetel frå Henning Castberg i 1710 på 3 mællag. I 1710 fekk han bygsel på eit mællag i tillegg.

Sonen

*Knut Guttormsen Vik* (f. ca. 1710, d. 1784) g.l. 1737 m. Ågot Larsdtr. Tynes (f. ca. 1712, d. 1737) g.2. 1743 m. Anna Pedersdtr. Søvik (f. ca. 1715, d. 1784).

Br. 1743 - ca. 1780.

Knut fekk bygselbrev frå oberstløytnant Rømer i 1743 på 1 våg. I 1747 er han lagrettemann. Buet etter Anna Pedersdtr. var fallitt.

Sonen

*Knut Knutsen Vik* (f. 1753, d. 1813) g. 1781 m. Sylveig Lassesdtr. Fjørstad, Stranda (f. 1758, d. 1844).

Br. ca. 1780 - 1817. I 1791 var Knut lagrettemann. Skylda på bruket hadde alt i 1770- åra auka til 1 våg  $14\frac{2}{5}$  mrk. som var likt med dei andre bruka på Vik, og i 1802 vart dette bruket verdsett til 228 rdl.

Sonen

*Peder Knutsen Vik* (f. 1783) g.l. 1816 m. Synnøve Jetmundsdtr. (f. på Brudevoll 1773, d. 1839). Ho var enkje etter Peder Kristoffersen Fauskehagen på indre Fauske bnr. 11.

Br. 1817 - 1831.

Peder Knutsen fekk bygselsetel frå Iver Fredrik Mechlenborg i Veggund på 1 våg  $14\frac{2}{5}$  mrk. i 1817, og han la kår til mor si, Sylveig Lassesdtr. Peder var med i krigen i 1808.

Etter Peder Knutsen kom syster hans og mannen hennar som var brorson til Synnøve Jetmundsdtr. til Sjursgarden. Det var

*Karl Johannes Olsen Brudevoll* frå Jetmundgarden (f. 1798, d. 1889) g. 1832 m. Nikoline Gurine Knutsdtr. Vik (f. 1802, d. 1884).

Br. 1831 - 1853.

Bygsselsetel frå Iver Fredrik Mechlenborg i 1831. Kår til Peder Knutsen og kona. Dette året var det frivilleg jordskifte på Vik. I 1838 fekk bruket ny skyld, 3 dlr. 2 ort og 4 skl. Buskapen var i 1845 1 hest, 9 kyr, 14 sauer, 5 geiter og 1 gris.

Sjursgarden skifte eigar eit par gonger i den tida Karl Johannes var brukar. Halvor Pedersen Abelset kjøpte bruket på auksjon etter Iver Fredrik Mechlenborg i 1832. I 1844 selde Halvor bruket for 200 spd. til smedmeister Mads Andreas Knutsen Vik frå Heljegarden g. 1848 m. Marie Johanne Nilsdtr. Fauskehagen, men seljaren «forbeholdt sig de aarlige jorddrotlige rettigheder». Karl Johannes og kona Nikoline Gurine gjekk over på kår i 1854, og Mads Knutsen hadde då bygsla bruket til

*Lars Rasmussen Steinsvik* frå Dalsfjord, Volda, (f. 1822, d. 1880) g. 1853 m. Berte Jonsdtr. Ulvestad frå Volda (f. 1819, d. 1896).

Br. 1852—ca. 1886.

Born: Rasmus f. 1853, d. 1879. Han var agronom. Johanne f. 1856, d. 1876. Ho var sinnssjuk og blind. Marte f. 1858, d. 1882 av tuberkulose. Karen f. 1860, Lovise f. 1864, d. 1880 av tuberkulose.

Lars Rasmussen fekk bygsselsetel i 1852 frå smedmeister Mads Knutsen. Sjursgarden var i 1864 på 28 mål åker og dyrka eng, og 76 mål naturleg england. I 1875 fødde Lars 1 hest, 7 kyr, 4 ungfe, 17 sauer og 1 gris. Dessutan fødde han 3 kyr og 8 sauer for kårmannen Karl Johannes Olsen. Sånaden på bruket var 3½ t. bl.korn, 7 t. havre og 5½ t. poteter. Han var ein dugande gardbrukar. Ved sida av gardsdrifta hadde han om vintrane sjø-budarbeid m.a. i Straumen i Herøy. Mest kjend har Lars Rasmussen vorte som evangelisk forkynnar og for det store og trufaste arbeidet han la ned for å vekkje folk til eit medvite kristenliv. Han heldt samlingar i heimane rundt om kring i Sykkylven, og reiste elles som vekkingstalar over heile Sunnmøre, Romsdal og Nordfjord. I Sykkylven vart han pioneren i det kristelege lek-mannsarbeidet. Ca. 50 år etter at Lars var død, reiste Indremisjonslaget og det kristelege ungdomslaget i Sykkylven eit minnesmerke på grava hans, og støyppte inn ei minnetavle av malm som låg på gravstaden frå før. Venene hans har her m. a. skrive: «Ufortrøden til sin død bekjændte han sin Frelser vidnende». (Om Lars Steinsvik: Sjå boka «Vi reiser med Brand» av Bernt Fauske, s. 133.)

I den tida Lars Steinsvik bygsla Sjursbruket, skifte bruket eigar på nytt. Mads Knutsen Vik selde det i 1856 for 400 spd. til Kristen Halvorsen Vik i Lånagarden. Då bygslaren Rasmus Steinsvik var død, fekk son til Kristen i Lånagarden ta over Sjursbruket. Det var

Mads *Kristian Kristensen Vik* (f. 1856, d. 1953) g. 1885 m. Olava Olsdtr. Brunstad frå Tostengarden bnr. 1 (f. 1866, d. 1941).

Br. 1886 - 1928.

Born: Lars f. 1887. Utvs. nr. 1018. Anna f. 1890 g.m. Klaus Vik. Sjø bnr. 9. Oskar f. 1895. Utvs. nr. 1019. Kristian f. 1902, g. på bruket, Olav f. 1904, skuleinspektør, g.m. Borgny B. Vik. Sjø bnr. 11.

Kristian Kristensen Vik og kona var eit år i Tostengarden på Brunstad før dei i 1886 tok over Sjursbruket. Kristian fekk skøyte på bruket frå far sin i 1900 for 4000 kroner. I ungdomstida hadde han gått i smedlære på Vestnes. Smia hans stod opphavleg på Bolstadbakken, om lag der det nye Lånahuset no står, men seinare flytte Kristian smia si inn om Sjursløa. Mykje tid hadde han ikkje til overs til smiarbeid, men han fekk m. a. ord på seg for å vere ein meister til å lage herdslevatn mot «gust», eit utslett som borna ofte fekk om våren når dei nura på marka. Kristian hadde visse jarn liggjande til å lage medisin av. Han glødde jarnet og stakk det i vatn, samstundes som han førde glovarm luft frå smiessa gjennom ei børsepipe ned i same vatnet. Børsepipa låg nedgraven i eldmyrja. Borna som hadde fått gust, både vaska seg i og drakk dette vatnet.

Kristian Vik la ned eit stort arbeid i Sjursgarden. Han dyrka opp storparten av bruket, bygde ny løe i 1904, nytt stabbur, og ei stovelengd til huset. Om vintrane var han i sildearbeid i Ålesund.

Løa som Kristian Vik bygde i Sjursgarden i 1904, er framleis i bruk. Kontrakta Kristian skreiv med byggmeisteren Johan Kristiansen Brunstad (Rabbe-Johan), gir eit godt innblikk i prisar og lønstilhøve den tida: « — — Johan Kristensen Brunstad vedgaar herved at opføre en ladebygning til Kristian K. Vik; med fjøser og stald av tømmer og gjødselrum av sten. Sambt de fornødne murer under fjøsene og det fornødne beslag til same, og at legge taget. Laden skal have en størrelse av 32 alen lang og 14 alen bred alt udfor staverne og en høyde paa 5½. alen frå fjøslemen til gjamt med raftleiernes høyde, og takaaserne legges såa at der bliver kjørebane langs hele laden,

og grinden i nordre ende maa nedsenkes ca en alen paa midtten af bjelken. Av den gamle ladebygning benyttes såa meget som er brukbart, også maa byggmesteren være begjælpelig tillige med hans folk at nedrive og merke den gamle lade. Inredning paa fjøse og stald indtil aldt er i fullt stand. Kristian K. Vik skal skaffe alt som trengst til bygningens opførelse, samt køst til arbeiderne, og bygningen skal vure i fullt stand til den 10. Juli 1904. Foren(e)d betaling er 300 kr. — trehundrede kroner, som betales eftersom arbeidet skrider fram. — —

Johan K. Brunstad (sign)

Trehundre kroner for ei driftsbygning, det var den gongen, og ikkje no. Det var i den tida pengar var storkna sveitte.

Den gamle skylda på Sjursbruket, 3 dlr. 2 ort og 4 skl. vart ved den nye skyldsettinga i 1890 endra til 5,99 skyldmark. I 1905 vart «Møllenpris» bnr. S utskilt frå Sjursbruket med skyld 0,06 mark, og i 1912 let Kristian over Geileplassen og dessutan ein større del av bruket sitt til dottera Anna g.m. Klaus Vik. Sjå Breidablikk bnr. 9. Resten av Sjursbruket, som hadde att ei skyld på 3,88 mark, dreiv Kristian til 1928.

Kristian Vik var all si tid svært interessert i kyrkja sitt arbeid. Han var kyrkjetenar i 58 år frå 1895 og til sin død, og under gudstenestene var han alltid å sjå på den faste plassen sin i koret.

Sonen

*Kristian Kristiansen Vik* f. 1902, g. 1928 m. Jenny Olsdtr. Aurdal frå Andersgarden f. 1905.

Br. frå 1928.

Born: Oddny (f. 1929, d. 1953) g. 1953 m. handelsstyrar Alf Hegdal frå Innvik i Nordfjord. Kjetil f. 1933, sivilingeniør, g. 1957 m. sjukesyster Kari Prestgård frå Kviteseid, Telemark. Dei bur i Bærum. Oddmund f. 1938, tekniskar, g. 1963 m. Kirsti Breivik frå Steinshamn. Gudbrand f. 1944, postpakkmeister i Ålesund.

Kristian Vik gjekk landbruksskulen, og reiste i 1924 til USA. Utvs. nr. 1017. Han kom heim i 1927 og året etter tok han over bruket. I 1940 bygde han nytt stovehus. Han har også vølt løa, og m.a. bygt silokummar. Dessutan har han planta ca. 100 plommetre, ca. 60 epletre, ca. 25 pæretre og ein heil del bærbusker. I 1930 sette han opp ein verkstad der han lagar likkister. Frå 1928 har han vore oppsynsmann for laksefiskeriet.

I 1956 vart han vald til formann i Sunnmøre Fiskeristyre. Same året byrja han som kontrollør i Sykkylven Fjøscontrollag. Han har også i mange år vore agent for eit par livsforsikringsselskap. Frå 1942 til 1952 var han formann i Sykkylven Forsorgstyre. Elles har han vore formann i edruskapsnemnda, formann og kasserer i Sykkylven Bondelag, forstandar for barnelosjen «Lauvknupp» i 20 år og skrivar i Sykkylven og Dalane Krinslosje i 25 år. Han har no 7. grad i Riddartemplet St. Georg.

#### FESTETOMTER UNDER SJURSGARDEN bnr. 6.

##### SYKKYLVEN KVILEHEIM

I 1950 kjøpte L. K. Hjelle (Blindheim bnr. 25) eldste delen av konfeksjonsfabrikken Fønix på Aure (bnr. 25), og han flytte huset til Vik og sette det opp att på ei bygsletomt under Sjursbruket, bnr. 6, til hybelhus for arbeidarane sine. Huset ligg like ved Vikeelva eit stykke nedafor riksvegen. I 1952 vart dette huset til sals, og Sykkylven kommunestyre gjorde vedtak om å kjøpe det og bygge det om til kvileheim for eldre. Sykkylven hadde vore utan eigen kommunal kvileheim sidan Møllenpris bnr. 8 kom ut av teneste i 1940-åra, og det hadde vore eit stort sagn for dei eldre, for mange av dei måtte ut or bygda for å søkje stell og pleie i sine avmaktsdagar. Alt i 1946 hadde arbeidet byrja for å samle pengar til ein ny og betre kvileheim, og mange hadde støtta tiltaket.

Det nyreiste Fønix på Vik gjekk i 1950-åra på nytt gjennom ei ombygging, og vart utvida noko seinare med eit tilbygg mot sør i betong.

Sykkylven hadde fått kvileheim for gamle på nytt. Det vart også avsett eit par senger til fødeavdeling. Margrethe Vik frå Fenrikgarden vart tilsett som styrarinne ved Kvileheimen, ei oppgåve ho har løyst med stor kraft og dugleik. Kvileheimen har plass til 17 - 20 pensjonærar.

Sjå også om Sykkylven sjukestove under Klokkehaug.

##### RØNES & SOLBERG A/S.

Tomta er på bygsel under Sjursbruket. Firmaet Rønes & Solberg A/S sette opp fabrikkbygg i jærkonstruksjonar i 1971. Huset er bygt i ei høgd med ei golvflate på ca. 600 rutemeter.

Opphavleg var det Per Rønes (sjå Aure bnr. 73 og 119) som starta denne verksemda i 1948.

Han hadde vore med i krigen 1940 - 1945 og gjort teneste i den norske marinen i England, siste tida om bord i ubåt. Våren 1945 vart mesteparten av mannskapet permittert etter at dei hadde vorte smitta av tbc. Han vart friskmeld att etter ei tid, men det synt seg at det hadde sine vanskar for han å få seg arbeid, folk var redd smitte. Det var då han i 1948 byrja med eigen blekk-slagarverkstad i kjellaren i huset til foreldra (Aure bnr. 73). Her arbeidde han til kona hans, Dagny f. Røe, i 1955 kjøpte «Karlsenhuset» på Aure (Nordeng bnr. 119), og då flytte Per Rønes verksemda til kjellaren der. Han hadde i denne tida eit par mann i arbeid. I 1958 byrja Hallvard Alfsen Solberg (Blindheim bnr. 46) i arbeid. Han var mekanikar. I 1967 løyste han ut halve verksemda av Per Rønes, og dei skipa aksjeselskapet Rønes & Solberg. I 1969 vart også Hallvard sin bror, Anders Solberg, teken inn som tredje hovudaksjonær. I 1971 bygsla dei tomt av Kristian Vik og bygde huset som nemnt ovafor. Det arbeider no 7 mann ved verksemda. Produksjonen er varmluftanlegg, sugelanlegg, sprøyteboksar, takrenner og elles alt i blekkslagararbeid. Per Rønes har no selt sin part av verksemda til brørne Solberg.

Petter Jakobsen Kursetgjerde f. 1913, g. 1944 m. Anne Eidså frå Syvde, feste tomt av Kristian Vik og bygde hus i 1948. Petter Kursetgjerde arbeider i møbelindustrien. Han har i fleire bolkar vore medlem i kommunestyret, og i mange kommunale nemnder.

Born: Jostein f. 1945. Vidar f. 1949, bibliotekar. Arild f. 1956.

Thoralf Johs. Kalstad frå Fjaler f. 1922 g. 1948 m. Marlene Pedersen frå Bø, f. 1928, feste tomt av Kristian Vik i 1950 og bygde hus i 1951. Han arbeider i møbelindustrien.

Born: Torbjørn Jarle f. 1949. Oddmund f. 1950. Øystein f. 1953. Robert f. 1955. Margot Tove f. 1956. Magne f. 1959. Tore f. 1964.

Ludvik Larssen Hole frå Jørngarden f. 1900 g. 1928 m. Signe Andreasdr. Solberg frå Brudevoll f. 1902, feste tomt av Kristian Vik i 1949 og bygde hus. Ludvik Hole har vore i USA. Utvs. nr.597.

Han var ei tid driftsstyrar ved Sykk. komm. kraftverk, men driv no installasjonsverksemd.

Barn: Asbjørg f. 1923 g. m. kommuneingeniør Harald Sandal frå Vik, bnr. 4.

Frantz Leira frå Hjørundfjord (f. 1904, d. 1974) g. 1928 m. Anna Larsdtr. Strømme, feste tomt i 1949 og bygde hus saman med versonen

Erling Lade f. 1918 g. 1949 m. Else Frantzdtr. Leira f. 1929.

Born: Fred Arne f. 1950. Terje Leif f. 1951. Magnar Otto f. 1961.

Frantz Leira og versonen Erling Lade arbeidde båe i møbel-industrien. I slutten av 1940-åra byrja dei å emne på eige verkstadbygg på ei bygsla tomt i Vikedalen under Sjursbruket. I 1950 stod huset ferdig. Frantz Leira laga stoppa møblar i 2. høgda av verkstaden, og Erling Lade dreiv delproduksjon av møblar i første høgda. Det var serleg stolgrinder han laga. Båe hadde 4 - 5 mann i arbeid,

*Sigmund Kvamme* frå Gaular f. 1916 g. 1948 m. Lea Roald frå Aure bnr. 66, f. 1924, bygde hus på Vik i 1951, og bygde på i 1969. I 1952 byrja dei med kolonialforretning i 1. høgda i huset. Forretninga har namnet Vik Handel.

Barn; Anny Margot f. 1949, student, g. 1971 m. Frank Nilsen fra Oslo. Roald f. 1957, Otto f. 1958.

Lars Larssen Tynes frå bnr. 9, f. 1923, g. 1944 m. Inger Eriksen frå Ålesund f. 1921. (Sjå Tandstad Mellom bnr. 8) Dei bygde hus i 1946. Lars Tynes dreiv med ymse slags arbeid, m.a. i industrien til han i slutten av 1940-åra saman med Magnus Karlsen (Aure bnr. 1 19) byrja med ein lervarefabrikk som dei kort og godt kalla «Lervarefabrikken». Dei. arbeidde først i kjellaren til Nilsen på Blindheim (bnr. 8), sidan flytte dei til kjellaren i Ludv. Hole sitt hus på Vik. Seinare slutta dei denne verksemda, og Lars Tynes dreiv målararbeid til han vart tilsett som feiar i kommunen. I 1968 byrja kona hans og han med kolonialhandel i første høgda i huset på Vik, «Vik Daglegvare» som dei framleis driv. Lars Tynes arbeider dessutan som elektrisk installatør.

Born: Bjørn f. 1944, g. m. Lisbeth Urkedal frå Valderøy.  
Finn f. 1946 g. 1973 m. Hilde Hellesylt (Hjelle bnr. 14).  
Ragnhild f. 1953.  
Frode f. 1955.

*Birger Leivdal* frå Eid i Nordfjord, f. 1912, g. 1940 m. Jenny Aasebø frå Eid, f. 1912. Dei bygde hus i 1947. Han er murar,  
Barn: Bjørg Olaug f. 1944, lærar, g. 1974 m. Erik Pedersen frå Kristiansand.

*Bottolv Stavik*

Festesetel i 1947 frå Kristian Vik. Bottolv Stavik bygde hus same året. I 1954 selde han huset til

*Johan Johansen Strandkleiv* frå Godøy f. 1923 g. 1955 m. Møyfrid Gabrielsdtr. Førde frå Bremanger f. 1929. Han har vore fiskar og sjømann, arbeider no hjå J. E. Ekornes.

Born: Willy f. 1956. Svein f. 1959. Irene Sofie f. 1965.

*Ingvald Lillebø* frå Selje f. 1915, g. 1943 m. Karoline Larsdtr. Hole frå Tjønes bnr. 11 f. 1918, bygde hus i 1946.

Medeigar i møbelfabrikken Hole & Lillebø. Sjå Blindheim bnr. 67.

Born: Solveig f. 1945. Lidvar f. 1947.

*Mindor Johansen Aurdal* frå Nilsgarden bnr. 1, f. 1916 g. 1947 m. Jenny Gurine Larsdtr. Nesheim frå Helstad, Stranda, i. 1920, bygde hus i 1951.

Born: Perdy Johanne f. 1948. Åse Lovise f. 1952. Jarle Leon f. 1958.

*Liv Berntsen* bygde hus i 1963. Ho seldetil

*Asbjørn Bakkevoll* frå Torsken f. 1933 g. 1959 m. Sigrunn Dalseth frå Eid, Nordfjord, f. 1931.

Born: Anita Solveig f. 1960. Liv Grete f. 1964.

*Svein Hansen* frå Bindal f. 1927 g.m. Mary Bredesen f. 1927, bygde hus i 1953.



Born: Torhild Petra f. 1950. Synnøve Lisbeth f. 1953. Åge Sveinung f. 1962. Martin Tore f. 1965,

#### STOKKE

*Ole Petersen Stokke* frå Ellingsøy f. 1907, g. 1934 m. Gudrun Manuelsdtr. Bakkely frå Hareid f. 1910 arbeidde som fiskar og bygningssnikkar ei tid. Seinare var han i 22 år ved B. R. Tynes Møbelfabrikk. Han arbeider no ved J. E. Ekornes Fabrikker. Feste denne tomte i 1949 av Kristian Vik og bygde stovehus i 1950.

Born: Magnar f. 1935 g.m. Edel Harshol. Karin f. 1941. Kontordame. Oddbjørg f. 1944. Kontordame.

#### LEIRA.

*Marius Martinussen Leira* frå Hjørundfjord f. 1909 g. 1949 m. Lovise Pettersdtr. Håhjem frå Skodje f. 1909. Han er møbeltapetserar. Bygsla tomt i 1950 av Kristian Vik, bygde stovehus i 1951.

Barn: Marit Anne f. 1950.

#### STØYLEN

*Torfinn Tomassen Støylen* frå Naustdal i Sunnfjord f. 1935 g. 1956 m. Palma Olivia Leidulvsdtr. Vikstad frå Rasmusbøen på Velle f. 1936, var først møbeltapetserar i 10 år hjå Hole & Lillebo, seinare arbeidde han som bygningssnikkar nokre år. I 1966 vart han tilsett som distriktssjef i forsikringsselskapet Samvirke og har Nord-Trøndelag og Nordland som distrikt. Han bygsla denne tomte av Kristian Vik i 1957 og bygde hus i 1959.

Born: Torleiv f. 1956. Bente Karin f. 1959. Janne Lisbeth f. 1965.

#### ELVLUND.

*Jonar Jonassen Kjøde* frå Selje f. 1926 g. 1953 m. Ingrid Selmersdtr. Kjær frå Sandefjord f. 1936 er frisørmeister og starta med eigen frisørsalong på Aure i 1954. Han feste denne parsellen i 1959 og bygde stovehus i 1961.

Born: Frank f. 1953. Mai Brit f. 1963.

*Sigurd Agnar Overvoll* frå Stranda f. 1904 g. 1934 m. Ovidie Johansdtr. Aurdal frå Nilsgarden f. 1906, feste tomt i 1953 og bygde hus året etter.

Born: Anne Solbjørg f. 1940. Jostein f. 1949.

*Trygve Stavik* frå Fræna f. 1918 g.m. Oline f. 1925, bygde hus i 1955.

Born: Annlaug f. 1949. Terje Oddmund f. 1951. Unni Grete f. 1954. Rune Borger f. 1957. Anita Jorunn f. 1959. Wenche Marian f. 1964.

*Andreas Kvisvik* frå Straumsnes f. 1923 g. 1958 m. Klara Jofrid Førde frå Bremanger f. 1928, bygde hus i 1963. Born: Ivar Svein f. 1958. Georg Arne f. 1962,

*Lovise S. Nysæter* frå Vigra f. 1905 feste tomt av Kristian Vik i 1949 og bygde hus i 1953. Ho budde tidlegare på Nysæter bnr. 2 som ho åtte og dreiv saman med mannen sin, Lars Peter Nysæter. Han døyddde under siste verdskrigen. Lovise og borna flytte då til Velle og budde der til ho fekk huset i stand på Vik. Første åra etter at ho kom til Velle, dreiv ho systove og la ned eit stort og trufast arbeid med å underhalde den store barneflokket med både mat og klær. Etter at ho kom til Vik, arbeidde ho på konfeksjonsfabrikk.

Born: Jostein f. 1928 g.m. Astrid Hole Drabløs frå Bøtelgarden. Ho har vore telefondame. Dei er no busette på Straume. Margit f. 1931, arbeider i Bergen. Palma f. 1934 g.m. Josfein Gjerde. Blindheim bnr. 75. Liv f. 1936 g.m. Sveinung Bjørke. Brudevoll bnr. 8. Oddlaug f. 1938 g.m. Peter Larssen Haugset. Bustad Grebstad bnr. 83. Martin f. 1941 g.m. Anne Marie Johansen frå Flagstad. Bustad Aure. Lars Petter f. 1945. Sjå nedafor. Lovise Nysæter har no denne eigedomen saman med sonen

*Lars Petter Larssen Nysæter* f. 1945 g.m. Edel Sølvi Alnes frå Godøy f. 1947. Han arbeider i industrien.

Born: Per Kåre f. 1969. Lars Even f. 1971.

*Johan Stenset* frå Askvoll f. 1901 g. 1938 m. *Johanne Madsen* frå Fræna f. 1904. Dei feste tomt av Sjursbruket i 1950 og bygde hus i 1953.

Barn: Liv f. 1940,

*Einar Martinus Martinussen* frå Borge f. 1923 g. 1959 m. *Birgit Marie Notø* frå Herøy S. f. 1936, bygde hus i 1963.

Born: Alis Marie f. 1960. Mona Johanne f. 1964,

*Knut Hatlenes* frå Selje f. 1930 g. 1936 m. *Valborg Fjørtoft* frå Haram f. 1932, bygde hus i 1964.

Born: Wenche f. 1956. Cath f. 1958. Carylaine f. 1966.

*Petter Kaldhussæter* f. 1912 g. 1952 m. *Rigmor Åkvik* frå Halså f. 1928, bygde hus i 1964. Han er tilsett ved «Nor-Laks».

Born: Gunn Marit f. 1954. Steinar f. 1957. Trond f. 1963. Ole Bernt f. 1966.

#### FENRIKGARDEN bnr. 7.

Då Sjursgarden bnr. 6 vart delt i 1704 tok son til Ole Sjursen over halvparten. Dette bruket fekk seinare namnet Fenrikgarden.

*Hans Olsen Vik* (f. ca. 1682, d. 1705). Han brukte 3 mællag frå 1704, men døydde alt i 1705. Bruket gjekk då over til

*Steffen Jakob Paris Møllerop*, d. i Bergen 1717.

Br. 1705 - ca. 1717.

Han fekk bygselsetel i 1706 frå Herman Garman på 3 mællag i Vik «som Hans Olsen forleden år bøklet og er ifradød.» Steffen Møllerop var offiser. Han var først gefreiderkorporal ved Gamle Trondhjems nasjonale infanterireg. frå 1678, og vart fenrik ved det same regimentet eit halvt års tid etterpå. I 1681 kom han til Bergenhus nasj. infanterireg. som fenrik ved Ytre Sognske kompani. Frå 1689 vart han flytt til Søndmørske kompani, og fremja til sekond-løytnant i 1703. Siste året han gjorde teneste, i 1712, vart han kommandert til flåten. Han var gift og hadde fleire born. Ein bakar på Sunnmøre, Ole Steffensen Møllerop, tok borgarskap i København i 1720, og i Bergen i 1724. Det kan kanskje vere son hans.

Som nemnt under «Matrikkelgarden» var Vik i denne tida frigard for fenrik Steffen Møllerop, og oppsitjarane måtte gi han store utreidsler. Han fekk ikkje berre heile landskylda, 6 våger fisk, men han gjorde også årleg krav på 12 rdl. i «servis». Dessutan heldt oppsitjarane han med fritt hus. Vikekarane klaga i 1706 over desse tunge utreidslene, serleg over at dei måtte legge så mykje «servis». Dei meinte at dette knapt var rett. I slutten av 1600-åra hadde dei sett opp eige hus til offiserane som budde på Vik. Dette huset løyste Steffen Møllerop inn. Såleis kjøpte han i 1707 ein part i huset som Peder Knutsen Vik og Paul Olsen Aure hadde fått hand om, for 2 rdl.

Versonen

*Lars Jørgensen Vik* (f. ca. 1675, d. 1756) g.1. m. Cicele Maria Steffensdtr. Vik d. 1748, g.2. 1756 m. Anne Olsdtr. Blindheim.

Br. ca. 1717 - 1748.

I 1732 var bruket hans på 2 mællag, i 1742 hadde det auka til 3 mællag, og i 1745 fekk han bygselsetel gjennom løytnant Mechlenborg frå Hans Jakob Hiort på 4 mællag  $14\frac{3}{4}$  mrk. Fenrikbruket var dermed like stort som dei andre bruka på Vik. Lars Jørgensen var truleg frå Lånagarden der han er nemnd i skiftet etter Paul Jonsen Vik i 1707 med inneståande fordringar i buet. I kyrkjeboka vert han kalla Lars Jørgensen Vik «af Blindern» då han døydd i 1756, men han har kanskje flytt til Blindheim etter at han i januar det året gifte seg med Anne Olsdtr.

Sonen

*Jørgen Larsen Møllerop* (f. ca. 1711, d. 1752) g. 1748 m. Johanne Larsdtr. Riksheim (f. 1722, d. 1794).

Br. 1748 - 1753.

Jørgen Larsen hadde vore «Capt des Armes», som om lag svarer til fanejunker.

Han fekk bygselsetel på 1 våg  $14\frac{3}{4}$  mrk. i 1748.

Enkja Johanne Larsdtr. gifte seg att i 1753 med

*Jørgen Jørgensen Vik* frå Lånagarden (f. 1728, d. 1772).

Br. 1753 - 1772.

Han var halvt syskenbarn med Jørgen Larsen som Johanne hadde vore gift med først. Jørgen Jørgensen fekk bygselsetel frå Nils Mechlenborg i 1753 på 1 våg  $14\frac{2}{5}$  mrk. Han var lagrettemann i 1764. I 1749 skaut Jørgen ein ulv i Vikemarka. Skiftet etter han i 1772 synte ei brutto eige på 229 rdl. og ein gjeld på 31 rdl. Enkja Johanne Larsdtr. gifte seg 3.g. 1773 med

*Lars Pedersen Ringdal (Bøen)* (f. ca. 1735, d. 1794).

Br. 1772 - 1794.

Han fekk bygselsetel av Sebastian Mechlenborg i 1772 på 1 våg  $14\frac{2}{5}$  mrk. I 1780-åra er Lars lagrettemann. Saman med Ole Olsen Strømme heldt Lars ute båt. Såleis rodde dei vårfiskja i 1779 og stasjonerte på Frantzholmen. Ei veke Lars Pedersen var heime på Vik, hadde to karar i båtlaget hans brote seg inn hjå handelsmannen Luth på Storholmen og stole ei bomme med m.a. 200 rdl. i. Elles hadde same karane naska både her og der. Hovudmannen bak tjuveriet hjå Luth rømde med mesteparten av pengane. Den andre vart knipen. Han måtte betale gjeld og tvingjeld av det han hadde teke, vidare dømd til å «stryges til Kagen» og arbeide i jarn i næraste festning resten av livet.

Stykson til Lars Pedersen tok over bruket etter han. Det var

*Jørgen Jørgensen Vik* (f. 1766, d. 1847) g.1. 1795 m. Anne Marte Iversdtr. Overvoll frå Stranda (f. 1767, d. etter barsel 1795) g.2. i Borgund 1796 m. Petrine Knutsdtr. Gudmundset (f. ca. 1769, d. 1846). Far hennar var frå Stavseng.

Br. 1794 - 1826.

Jørgen Jørgensen fekk bygselsetel i 1794 på 1 våg  $14\frac{2}{5}$  mrk. frå Sebastian Mechlenborg. Han må ha hatt ein del pengar, for han kjøpte jordegods, m.a. Knutgarden på Aure i 1781 for 36 rdl., Riksheimgjerde i 1787 for 124 rdl., og i 1798 låner C. M. Abelset 90 rdl. av Jørgen mot pant i 1 pd. 12 mrk. i Straumgjerde. Han var skrivekunnig og mykje nytta som lagrettemann. Såleis var Jørgen ein av dei som møtte i retten for ålmugen då kyrkjeieigarane Sebastian Mechlenborg, Jakob Eide og Hans Jakob Eide i 1799 kravde godtgjersle av bygdefolket for ein reparasjon av kyrkjetårnet. Kyrkjeieigarane tapte denne saka. I 1810 er Jørgen ein av domsmennene i ekstraretten på Blindheim då saka mot Nils Larssen Aurdal tok til. (Sjå Aurdal bnr. 1.)

Jørgen Jørgensen og kona gjekk over på kår i 1826, og versonen tok over bruket.

*Iver Andreas Jakobsen Ørsnes* frå Olegarden bnr. 2 (f. 1800, d. 1886) g. 1828 m. Marte Karoline Jørgensdtr. Vik (f. 1803, d. 1880).

Br. 1826 - 1854.

Iver Andreas fekk bygselsetel frå I. F. Mechlenborg i Vegsund i 1826. I 1830-åra var Iver lagrettemann. Han la av eiden til konstitusjonen i 1832. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den

gamle skylda på bruket, 1 våg  $14\frac{2}{5}$  mrk., endra til 3 dlr. 2 ort og 4 skl. Iver fødte i 1845 1 hest, 9 kyr, 14 sauer, 5 geiter og 1 gris.

I Iver si brukstid skifte Fenrikgarden eigar. Halvor Pedersen Abelset kjøpte bruket på auksjon etter Iver Fredrik Mechlenborg i 1833, og i 1844 gav Halvor skøyte til son sin, Kristen Halvorsen Vik i Lånagarden, for 200 spd.

Iver Andreas Jakobsen og kona gjekk over på kår i 1854, og Kristen Halvorsen bygsla bruket til

*Lars Johannes Knutsen Brunstad* frå Monsgarden (f. 1822, d. 1906) g. 1854 m. Iverine Oline Knutsdr. Velle frå Jogarden (f. 1829, d. 1905).

Br. 1854 - 1880.

Born: Karl f. 1856 g. 1882 m. Anna Johannesdr. Eidem. Sjø Trulsgarden bnr. 1. Johan f. 1860 g. 1880 m. Ingeborg Larsdr. Grebstad. Sjø Gammelgarden bnr. 9.

Lars Knutsen fekk bygselbrev i 1854. I 1864 var Fenrikbruket på 25 mål dyrka mark og åker, og 87 mål naturleg england. Han fødte i 1875 1 hest, 7 kyr, 3 ungdyr, 16 sauer og 1 gris, og dessutan 3 kårkyr og 11 sauer til Iver Jakobsen. Sånaden var 4 t. bl.korn,  $4\frac{1}{2}$  t. havre og 5 t. poteter.

I Lars si brukstid var det jordskifte på Vik. (1878). Ca. 1892 flytte han og kona til sonen Johan i Gammelgarden på Grebstad og budde der. Den andre sonen tok over Fenrikgarden. Det var

*Karl Larssen Vik* (f. 1856, d. 1946) g. 1883 m. Anna Johannesdr. Eidem frå Trulsgarden (f. 1866, d. 1954).

Karl Larssen hadde bruket nokre år, ca. 1882 - 1890, og flytte då til Eidem der han tok over Trulsgarden bnr. 1. Verson til gardeigaren Kristen Halvorsen Vik tok over Fenrikgarden etter Karl. Det var

*Jens Larssen Brunstad* frå Jakobgarden (f. 1848, d. 1934) g. 1876 m. Marte Kristensdr. Vik frå Lånagarden (f. 1854, d. 1909).

Br. ca. 1890 - 1895, sidan ei tid halve bruket.

Born: Hanna f. 1879, g. på bruket. Berte f. 1884 g.m. Elling Ekornes i Olagarden.

Jens Larssen var skreddar.

Han fekk først feste eit urudt stykke av Lånabruket hjå verfar sin og bygde hus der. Sjø Nybø bnr. 4. Ca. 1890 let Kristen over Fenrikgarden til Jens og Marte. Jens hadde no arbeidt seg godt opp. saman med ein av grannane heldt han ei avis,

Etter nokre år gav han halve bruket over til versonen

*Ole Johan Olsen Ramstad* (f. 1869 d. 1951) g. 1896 m. Hanna Jensdtr. Vik (f 1879, d. 1958).

Br. halve garden 1895 - 1904, sidan heile bruket til 1939.

Born: Jens f. 1897 g.m. Agnethe Dahle. Sjå Vik bnr. 35. Guri f. 1899 g.m. Jakob Larssen Velle. Sjå Aure bnr. 39. Jørgen f. 1904. Utvs. nr. 1027. Margrethe f. 1907. Styrarinne ved Sykkylven Kvileheim. Olav f. 1909 g. på bruket. Haldor f. 1918 g.m. Mary Bakkely. Sjå Vik bnr. 42.

Ole Johan Olsen voks opp på Bøen på Ramstad. Han skreiv seg for Vik etter at han kom til Fenrikgarden. I unge år var han skreddar. Ei tid dreiv han som skreddar og fiskar i Nord-Norge. I denne tida selde han også litt frukt som han fekk tilsendt sørfra. Han var elles kjend som ein flink rokkedreiar. saman med verfar sin, Jens Larssen, bygde han ny løy i Fenrikgarden i 1896, og i 1899 bygde dei nytt stovhus. Stova var tenkt som eit vanleg kvisthus i 1½ høgd. Då bygningsmennene var ferdige med første høgda, leivde dei så mykje material at dei like godt bygde ei høgda til. Ole Johan la ned eit stort arbeid med jorddyrking på bruket. Han bygde også køyreveg opp bakkane ovafor riksvegen til øvre delen av bruket. Han fødde 6 - 7 mjølkekyr, 1 følmerr og 10 - 15 sauer. Som regel hadde han ein unghest å selje kvar vår,

Under første verdskrigen dreiv han sildefiske med ein 30 fots motorbåt «Viken» som Ole Johan åtte saman med Edv. Olsen Vik i Heljegarden. Dei dreiv elles med frakting av ymse slag, og hadde presteskyssen i mange år. Ole Johan Vik var interessert i musikk. Etter tradisjonen var han ein av dei aller første som kom med gitar til bygda, og han lærde mange å spele.

Sonen

*Olav Olsen Vik* f. 1909, g. 1951 m. Solveig Jensdtr. Ødegård fra Bakken, Stranda (f. 1919, d. 1973).

Br. frå 1939.

Born: Ola Johan f. 1952. Hallbjørg f. 1954. Torunn f. 1956.

Olav O. Vik fekk skøyte på bruket i 1939. I 1950-åra slutta han med mjølkeproduksjon og gjekk over til sauehald. Han fôrar no ca. 60 dyr. Ved sida av gardsdrifta har han drive konfeksjons-fabrikk. Han arbeidde som skreddar i Ålesund, Oslo og Trondheim til 1937 då han byrja rned eigen verkstad. I 1938 gjekk han i kompaniskap med Bjarne Enstad (Sjå Vik bnr. 37) og året etter bygde dei fabrikk på Vik

(konfeksjonsfabrikken Viko A/S) og hadde ca. 25 arbeidarar i tida framover til 1959. Seinare dreiv Olav Vik fabrikken aleine nokre år, men han har slutta med denne verksemda og arbeider no ved J. E. Eknernes Fabrikker. Han var medl. i Sykk. kommunestyre 1945 - 1949, formann i Sykkylven indremisjonslag i fleire bolkar, og lærar i sundagsskulen frå 1933.

#### VIKO KONFEKSJONSFABRIKK A/S.

Leigetomt under Fenrikbruket, bnr. 7. Olav O. Vik frå Fenrik-garden byrja som skreddar i 1935, gjekk seinare i kompaniskap med Bjarne Enstad frå Bjorli. Sjø Vik bnr. 37. Dei skipa aksjeselskap som vart registrert i 1945 under namnet Viko Konfeksjonsfabrikk A/S med Sverre Brunstad frå Tjønes som merkantil leiar. I 1949 utvida dei verksemda med større aksjekapital, og hadde 25 - 30 arbeidarar i 1950-åra. Seinare har dei trappa ned drifta, til dei la arbeidet ned for nokre år sidan.

Det vart bygt hus til fabrikkverksemda i 1939, og påbygt med ei høgd att i 1945. Ein part av bygget blir no leigt bort til *Maskinservice A/S* som vert drive av Kåre Melseth, Andor Løset og Odd Harald Vik.

#### MØLLENPRIS bnr. 8.

Tomta vart utskild frå Sjursbruket bnr. 6 i 1905 med skyld 0,06 mark. Etter tradisjonen selde Kristian Kristensen Vik dette stykket først til ein mann frå Bergen som heitte Nedregård, På nordsida av gamlevegen ved Vike-elva stod det gamle Larskvernhuset på Tjønes. Nedregård kalla kvernhuset for «mølle», og han gav tomta si namnet «Møllenpris». Han byrja også å emne på hus, og vegen opp til tomta kalla han Fossevegen. Nedregård flytte frå Sykkylven, og Kristian Kristensen Vik selde i 1906 tomta til

*Martin Møller* for 425 kroner. Han var tyskar og var utdanna ingeniør. Møller sette opp eit bustadhus i mur på tomta, men det ser ut til at han fekk vanskar med å greie seg økonomisk. I 1913 selde han eigedomen for 5.100 kroner til

*Joh. Larsen Høyberg* som selde att i 1916 til

*Sykkylven kommune* for 5.500 kroner med det atterhald at han i 10 år ville ha høve til å nytte jaktretten som eigedomen hadde.



Sykkylven kommune innreidde huset til *Kvileheim for dei gamle* eller Gamleheim, som det vart sagt i den tida. B. Berli på Klokkehaug gav 3000 kroner i gave til kjøp av dette huset til gamleheim, og det var ei gave som kom vel med for kommunen i denne tida. Møllenpris hadde plass til ca. 15 pleiepasientar, og huset var i bruk som gamleheim frå 1917 til 1940-åra. Marie Våtmyr var første styrarinna ved heimen. I 1952 kjøpte Sykkylven kommune eit hybelhus som fabrikkengar L. K. Hjelle hadde sett opp på Vik, og kommunen bygde om dette huset til ny kvileheim. Sjå under bnr. 6.

Møllenpris gjorde kommunen i stand til bustad for presten i soknet

Olav Eiriksen Husabø f. 1915, g. 1949 m. Astrid Ellendsdtr. Lyngset f. 1918. Dei er båe frå Leikanger i Sogn.

Born: Kari f. 1950. Bjørg f. 1951. Eldfrid f. 1954. Eivind f. 1959.

Olav Husabø tok teologisk embetseksamen ved Menighetsfakultetet i 1945. Han var hjelpeprest i Sveio til 1956. Då kom han til Sykkylven, først som hjelpeprest, og frå 1957 som kallskapellan. Då Sykkylven fekk eigen sokneprest, vart Olav Husabø utnemnd til dette embetet frå 1. januar 1967.

**BREIDABLIKK bnr. 9 (Geila).**

Dette bruket vart utskilt frå Sjursgarden bnr. 6 i 1912 med skyld 2.05 mark. Ein del av dette stykket hadde vore ein husmannsplass som vart kalla Geila eller Geilane. Første brukaren var

Nils Larssen Klokkehaug (Myra løpenr. 228) (f. 1837, d. 1905) g.1. 1862 m. Karen Marie Klausdtr. Hole (f. 1832, d. 1870) g.2. 1871 m. Dorte Iversdtr. Hjellegjerde frå Ivaplassen bnr. 2 (f. 1833, d. 1921).

Br. ca. 1862 - 1912.

Born: 1. ektesk.: Lovise f. 1860. Utvs. nr. 1023. Anne f. ca. 1862. Peter f. 1864. Utvs. nr. 1026. Ivrine f. 1867. Utvs. nr. 1022. Klaus f. 1869. Utvs. nr. 1025. 2. ektesk.: Karl f. 1876. Utvs. nr. 1024.

Nils Larssen, eller Geile-Nils som han vart kalla, rudde denne plassen i 1860-åra, og sat som brukar til han døydd. I 1875 fødte han 1 ku og 5 sauer og sånaden var 1 t. havre og 1½ t. poteter. Etter tradisjonen var han stotarkonge, d.v.s. bygdevektar. Han var også ringjar i kyrkja. Løna hans var 6 merker havre frå kvar bonde på nordre sida av Sykkylvsfjorden, og dette måtte han krevje inn sjølv.

Han var mellom soldatane frå Sykkylven som i 1864 vart mobiliserte til Gardermoen. Sjå om dette under Aurdal, bnr. 3. Fire av borna hans frå 1. ekteskap reiste til USA. Etter tradisjonen ervde Nils ein slump med pengar etter eit av borna sine, og for desse pengane heldt han yngste sonen på skule. Det gjekk di verre mindre godt med han, og pengane gjekk fort. Nils prøvde så å reise pengar til amerikabillett for sonen, og fekk mange til å kausjonere. Sonen kom av stad, men gjelden vart ståande ubetalt. Han auka frå år til år, og ein dag vart det lyst til tvangsauksjon frå kyrkjebakken over stova og løa hans Nils. På heimvegen frå kyrkja den dagen måtte Nils kvile fire gonger, og 6 veker etter døydde han. Stova vart seld til Blindheim og løa til Klokkehaug. Enkja Dorte sat att i trange kår. Ho fekk bu i mange år hjå dei som tok over bruket etter henne, og døydde på Sykkylven Kvileheim. «Fornøyelsens rikdom er betre enn gull,» var eit ordtak Dorte ofte nytta.

I 1909 let Kristian Kristensen Vik i Sjursgarden over denne plassen på ca. 11 mål og dessutan mest halve Sjursbruket, tils. ca. 58 mål, til versonen

*Klaus Olsen Vik* frå Heljegarden (f. 1882, d. 1967) g. 1908 m. Anna Kristiansdtr. Vik f. 1890,

Br. 1909 - 1957.

Born: Olav f.1912, g. på bruket. Karstein Oddmund f. 1919, arkitekt, g. 1943 m. Borgny Arnesdtr. Digernes. Sjå Klokkehaug bnr. 34.

Klaus Vik var to gonger i USA. Uts. nr. 1028. Han bygde nye hus på bruket som for det meste var urudt då han tok det. Seinare fødte dei 5 kyr, 2 ungdyr, 1 hest og 8 - 10 sauer. Klaus Vik dreiv ei tid med sylvreal, og var mellom dei første i bygda som byrja med pelsdyr. Seinare bygde han drivhus og tok til med gartneri saman med sonen

*Olav Klaussen Vik* f. 1912, g. 1940 m. Margit Lauritsdtr. Lorgen frå Ellingsøya f. 1920.

Br. frå 1957.

Born: Kjartan f. 1941 g. 1967 m. Inger Karlsen frå Ålesund. Dei har baa vore i USA. Annlaug f. 1948. Arnhild f. 1957.

Olav Klaussen Vik gjekk i gartnerlære på Amdam og dreiv gartneri på bruket, han seldebuskapen først i 1960-åra. Ved sida av arbeidet i gartneriet har han saman med bror sin, arkitekt Karstein Oddmund Vik, (Klokkehaug bnr. 34), drive

## OPPDRETT AV LAKS OG AURE PÅ VIKEØYRA

Dette tiltaket kan ein føre attende til hausten 1954 då bonde Ivar Heggen frå Valldal på eit ålmannamøte i Straumgjerde slo til lyd for å stengje av inste delen av Sykkylvsfjorden til eit kjempebasseng der ein kunne ale opp laks, serleg med tanke på stamlaks som kunne gi melke og rogn til klekkeria. Planen var av ymse grunnar vanskeleg å omsetje i praksis, men interessa var vekt, og året etter var brørne Olav og Karstein Oddmund Vik i gang med å grave ut laksedammar og bygge klekkeri på Vikeøyra som låg under farsgarden deira. Tiltaket vart organisert under namnet Nor-Laks. Dei kjøpte laks or kilenøtene i fjorden, tappa han for rogn og melke, klekte ut yngelen og ol han opp i store kummar som dei bygde av betong. Dei kjøpte også inn regnbogeaure og dreiv oppdrett av aure. I 1960-åra hadde dei ein fiskeetnad på ca. 200.000 eittårsgamle regnbogearar, ca. 20.000 toårs-aurar og dessutan ein heil del 4 - 5 år gamal stamfisk på 4 - 7 kg. Nor-Laks har levert settefisk til aure-oppdrettarar rundt omkring i distriktet og til elve-eigarlag. Sverike har kjøpt fiskeferdige aurar som har vorte frakta i brunnbåtar til Trondheim og vidare med jarnvegen. Dessutan har dei selt ein heil del matfisk. I åra som har gått har brørne Vik gjort mange verdfulle røynsler som har fått mykje å seie for det vidare arbeidet med oppdrett av laks og aure. Det er prova at laks som er innfanga frå kilenøter, tar mat til seg i fangenskap og kan produsere rogn og melke i fleire år etter kvarandre, og at laks som er kunstig klekt og som heile tida har gått i dammar, kan gi rogn og melke. Vidare har Nor-Laks gjort mange verdfulle prøver med oppdrett av regnboge-aure i dammar med blanding av sjøvatn og ferskvatn. Tiltaket på Vik vekte åtgaum over heile landet og langt vidare. Det kom spurnad til Nor-Laks om resultata og røynslene heilt frå Australia og Tasmania, og den 19. april 1961 fremja trønderrepresentanten Johan Karlson i Stortinget fylgjande interpellasjon til landbruksministeren: «Er regjeringa oppmerksom på de eksperimenter som drives i Sykkylven med laks og ørret, og som synes å kunne få stor betydning for styrking av næringsgrunnlaget i våre kystområder?»

SOLVANG bnr. 11.

Tomta vart utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1917 med skyld 0,03 mark. Kaptein P. C. N. Aure gav gåvebrev på tomta same året til

*Bernt Berntsen Vik* frå Styrkågarden (f. 1873, d. 1947) g. 1904 m. Anna Larsdtr. Hellen (f. 1884, d. 1924)

Borgny f. 1906 g på bruket Lars f. 1907, smed, bilreparatør, Sjø bnr. 19.

Bernt Berntsen Vik tok lærareksamen ved Tromsø Seminar i 1893. Eit års tid var han lærar ved Bosekop skule i Alta. Han vart så tilsett i Sykkylven i 1895 ved Hundeidvik, Jarnes og Riksheim skular der han arbeidde til han i 1916 fekk lærarpost ved Vik skule. Denne posten hadde han til han gjekk av etter nådd aldersgrense i 1938. Han sette opp hus på Solvang i 1917. R. B. Vik utførde eit stort arbeid i skulen. Han hadde også ei levande interesse for ungdomsarbeidet. Ei serleg evne hadde han til å fortelje og lese, og det kom ikkje minst til sin rett i sogetimane og norsktimane.

Bernt Vik var også kommunekasserar nokre år ved sida av arbeidet med skulen. I fritida søkte han ut på fiske i fjorden, eller han gjekk til fjells.

Versonen

*Olav Kristiansen Vik* frå Sjursgarden f. 1904 g. 1936 m. Borgny Berntsdtr. Vik f. 1906.

Born: Bjørn f.1939, interiørarkitekt, no ved Norsk Rikskringkasting. Odd f. 1943, arkitekt, g. 1968 m. Ragnhild Larsen frå Deknepollen, Vågsøy i Nordfjord. No busett Gol i Hallingdal.

Olav Vik tok lærareksamen ved Volda Lærarskule i 1925, og studenteksamen på Sandane i 1932. Han var først lærar eit par år ved mellomskulen i Brønnøysund, så eit års tid lærar ved Ringerike Folkehøgskule. Elles hadde han ymse skulepostar til han i 1937 vart tilsett i Vik krins. Etter 16 - 17 år ved Vik skule kom han i 1954 til Aure skule som skulestyrar. I 1956 vart han skuleinspektør i Sykkylven, og frå 1962 skulesjef. Han slutta etter nådd aldersgrense i 1973.

Skulen i Sykkylven gjekk gjennom ei rivande utvikling i den tida Olav Vik sat som skulestyrar og inspektør, både gjennom reising av nye og tidhøvelege skulehus i dei fleste krinsane i bygda, og sett frå undervisningssynstad. I hans tid vart framhaldskulen ombygd til realskule (1954). Seinare kom den linedelte ungdomsskulen. Dei siste åra Olav Vik sat som skulesjef. gjekk han sterkt inn for gymnaset som tok inn første klassa hausten 1974.

FRBDRIKGARDEN bnr. 12, no bnr. 16.

Tomta som fekk bnr. 12, vart utskild frå Lånabruket bnr. 3 i 1924 med skyld 0,03 mark. Opphavleg var dette ei festetomt. I 1938 vart jordstykket makeskift med ei anna tomt frå Lånabruket. Den nye tomta fekk namnet

*Solheim bnr. 16*, og skylda var den same, 0,03 mark.

*Kristen Halvorsen Vik* i Lånagarden bnr. 3 bygde i 1870-åra eit hus til sonen

*Martin Kristensen Vik* (f 1856, d. 1901) g. m. Berit Iversdtr. Eikrem frå Bolsøy (f. 1863, d. 1932). (Sjå Hotell Søndmør under Klokkehaug, bnr. 3). Dei budde i huset og dreiv bakeri her. Martin Vik flytte seinare til Klokkehaug der han leigde «Hotell Søndmør». Kristen Halvorsen Vik selde huset på Vik med butikk og «bagerbekvemmelighed» til

*Julie Tommine Solstad f. Knutsen* frå Ålesund. Ho var gift med Mikal Holstad, og dei nytta huset til sommarbustad. Ervingane deira seldehuset i 1922 til

Jens Petter Petersen Vik frå Lånagarden (Sjå også Eidem bnr. 8). Han selde i 1924 bnr. 12 med hus for 3.500 kroner til

Fredrik Martinussen Fet g.m. Guri Jakobsdtr. Velle f. Hole. Sjå Fet bnr. 3. Ervingane deira selde Fredriksgarden i 1931 for 2.400 kroner til

*Karl Larssen*.

Kort tid etter at han hadde flytt inn på Vik, døydde han og huset gjekk over til systera

*Magda Didriksen* etter skøyte i 1933. Ho flytte seinare til Blindheim bnr. 24, og selde Fredriksgarden i 1937 til

*Erling Lyshol* for 3.000 kroner. Han gjorde året etter makeskifte med

*Peter Ludviksen Brunstad* på Vik bnr. 3, og dermed var Fredriksgarden komen attende til Lånabruket. Huset i Fredriksgarden vart flytt opp om riksvegen, og i 1946 vart det selt til

*Birger Larssen Strømme* frå Jogarden f. 1909 g. 1940 m. Sofie Pettersdtr. Honningsvåg frå Selje f. 1919.

Born: Jon f. 1941. Teknikar. Ove f. 1949. Skuleelev. Roar f. 1952. Sølvi f. 1955.

Birger Strømme har vølt og modernisert huset. Han arbeider ved Klocks Lenestolfabrikk A/S. Han er medeigar i fabrikk og var i 1936 med å skipe han.

BAKKETUN bnr. 13.

Stykket vart utskilt frå Styrkågarden bnr. 5 i 1927 med skyld 0,40 mark.

*Karl Johan Berntsen Vik* frå Styrkågarden (f. 1889, d. 1959) g. 1922 m. *Anna Olsdtr. Aurdal* frå Andersgarden f. 1899.

Born: *Björg* f. 1923, g.m. *Johan Hjorthol*. *Sjå Hjorthol* bnr. 4. *Asbjørn* f. 1924 g. på bruket. *Norunn* f. 1933 g.m. *Hallvard Eliassen*. *Sjå Vik* bnr. 66.

*Karl Johan Vik* fekk skøyte på bruket i 1927 frå *Bastianne Aure* i Styrkågarden for 4.875 kroner. Stykket var på ca. 15 mål urudd mark som *Karl Johan* dyrka opp. Han bygde løe i 1928 og stovehus i 1929. Han fødte 2 mjølkekyr, 1 ungdyr og 14 sauer i 1940-åra. Ved sida av arbeidet med bruket var *Karl Vik* murar, og han sette opp mange hus i bygda og distriktet.

Sonen

*Asbjørn Karlsen Vik* f. 1924 g.m. *Ellinor Jacobsen* frå *Bergen* f. 1929.

Br. frå ca. 1960.

Born: *Kristin* f. 1951. *Karl Fredrik* f. 1954. *Elisabeth* f. 1958. *Ragnhild* f. 1964.

*Asbjørn Vik* har gått realskulen og har ingeniøreksamen frå *Bergens Tekniske Skule* i 1950. Han er no driftsleiar ved *Nordisk Industri Plastic* på *Ikornnes*. *Bakketun* på *Vik* tok han over ca. 1960. Han har vølt og bygt på stovehuset, og fôrar no 2 oksar og 2 sauer.

OSHEIM bnr. 14 og 15.

*Parsellane* er utskilde frå *Heljegarden* bnr. 1: Bnr. 14 i 1927 med skyld 0,03 mark, og bnr. 15 i 1932 med skyld 0,01 mark.

*Lars Olsen Vik* frå *Heljegarden* f. 1890 g. 1919 m. *Anna Strøm* frå *Ålesund*. *Sjå Utvs.* nr. 1029.

*Lars* har bygt hus på denne jordeigedomen, og bur her om sommaren. Han er elles busett i *Ålesund* der han dreiv kolonialforretning.

NESTUN bnr. 18.

VESTLANDSKE STOL- 00 MØBELFABRIKK A/ S.

Industritomt, utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1940 med 0,05 mark i skyld,

Vestlandske Stol- og Møbelfabrikk A/S kjøpte tomte og sette opp fabrikkbygg i 1940 etter at A/S Sykkylven Aksjemylne, der Vestlandske Stol- og Møbelfabrikk hadde vore før, hadde brunne ned under storbrannen på Aure i 1939. Aure bnr. 54.

Opphavet til Vestlandske Stol- og Møbelfabrikk går attende til 1929 då Sykkylven Kurvmøbelfabrikk A/S vart skipa. Hovudaksjonærane i verksemda var O. T. Lied, Karl Ramstad, K. S. Brudevoll, Karl Emdal og Fridtjof Fredriksen. Sistnemnde vart disponent, med Karl Emdal som arbeidsformann. I 1934 løyste dei opp arbeidslaget. K. Emdal reiste til Straumgjerde og starta eigen fabrikk der. Straumgjerde bnr. 20 og 25, Fridtjof Fredriksen, broren Asbjørn Fredriksen og Karl Utgard tok over på Aure, og ein reknar at 1934 var skipingsåret for den noverande verksemda Vestlandske Stol- og Møbelfabrikk. Fridtjof Fredriksen var disponent til 1967 då broren Asbjørn Fredriksen tok over. Karl Utgard er arbeidsleiar. I 1956 gjekk fabrikk i samarbeid med fire andre møbelfabrikkar på Sunnmøre om tiltak for eksport av møblar til utlandet, Westnofa.

Vestlandske Stol- og Møbelfabrikk A/S har utvida fabrikk-arealet med store tilbygg og nybygg. Der er no 62 tilsette.

STYRKÅGARDEN bnr. 19.

Utskild frå bnr. 5 i 1940 med skyld 0,30 mark.

*Bastianne Joakimsdtr. Vik*, som tidlegare hadde hatt bygselen over Styrkågarden bnr. 5, fekk i 1940 løyve til å kjøpe 7 mål av bruket der stova hennar stod, og Stykå-namnet fylgde dette stykket. Bastianne gav i 1944 skøyte på dette bruket for 4000 kroner til dottera

*Johanne Berntsdtr. Vik* f. 1883 som hadde stelt for mor si på hennar gamle dagar og elles hjelpt henne med bruket. Dersom Johanne selde, hadde fosterbror hennar første retten til å kjøpe garden og få skøyte på den etter 1960 på nærare fastsette vilkår. Denne fosterbroren var

*Anton Andreassen Vik* (f. på Djupedalen på Velle 1895, d. 1962) (Sjå Vik bnr. 5) g. 1949 m. Borghild Berntsdtr. Blindheim frå

Erikgarden f. 1908. Han bygde nytt stovehus på stykket i 1940 og ny løe nokre år seinare. I yngre år arbeidde han ved Schmidt-fabrikken på Blindheim, og dreiv seinare fiske om vintrane og vegarbeid om somrane. Nokre år var han oppsynsmann for laksefisket. Han var breivaksen og kjend for styrken sin. Ved sida av gardsdrifta på Vik dreiv han også farsplassen på Djupedalen og køyrde høyet til Vik der han fødte 1 hest, 2 kyr og 4 - 5 sauer. Etter skøyta i 1944 skulle bruket falle attende til Bastianne J. Vik sine livservingar dersom Anton Vik døydde utan å etterlate seg livsarvingar. Han hadde ikkje born, og i 1965 fall bnr. 19 attende til Bastianne Vik sine ervingar med unnatak av tomta på 1 mål der Anton Vik sitt hus står. Tomta som fekk namnet

#### BJERKELY bnr. 82

med skyld 0,01 mark, løyste enkja etter Anton,

*Borghild Bernstdtr. Vik* for 3.500 kroner etter skøyte i 1965. Løtufta fall utafor eiegen hennar. I 1966 selde *Borghild Vik* løa til Petter Alfarnes som flytte henne til Eidem bnr. 12.

#### STYRKÅGARDEN bnr. 19.

##### LARS B. VIKS BILVERKSTAD.

Det som var att av bnr. 19 vart i 1965 skift i tomter som vart delte på ervingane Parsellen som ber namnet vidare fekk 0,08 mark i skyld, og eigar er Lars B. Vik f. 1907 (sjå bnr. 11). Han byrja i unge år i smedlære hjå «Styrkåsmenden», gjekk seinare ved Førde Metallfagskule, og arbeidde deretter ei tid ved Standard Bilverkstad i Horten. Så kom han attende til Sykkylven og var mekanikar ved Stranda og Sykkylven Billag til han i 1940 bygde eigen verkstad på denne tomte ved foten av Styrkåbakken på Vik. Der var 3 mann i arbeid på verkstaden første åra.

#### SOLTUN bnr. 21.

Tomta vart utskild frå Bøen bnr. 2 i 1941 med skyld 0,02 mark.

*Jon Mjøen* frå Kornstad f. 1898 g. 1924 m. Lovise Larsdtr.

*Hjelle* frå Klokkehaug bnr. 8, f. 1901, kjøpte tomte og sette opp hus.



Barn: Leif f. 1925 g. 1950 m. Gudbjørg Sylte frå Tresfjord f. 1930.

BJØRKELUND bnr. 22.

A/S LENESTOLFABRIKKEN SOLID, — EKOS —  
SVANEMØBLER A/S.

Industritomt utskild frå Lånabruket bnr. 1 i 1941 med skyld 0,02 mark. Tomta vart kjøpt av A/S *Lenestolfabrikken Solid* som vart skipa i sept. 1929 med L. K. Hjelle (sjå også Blindheim bnr. 25 og Vik bnr. 48) som disponent og Nils Klock som kasserar. Aksjekapitalen var 4000 kroner. Dei byrja verksemda i kjellaren til A. Furset på Klokkehaug, utvida også til Bastianne Aure sin kjellar på Vik. Då Møre Lenestolfabrikk i 1931 flytte til Ørsta, tok A/S Solid over deira lokale som dei leigde på Klokkehaug (bnr. 11) og var der ei tid. Flytte så seinare til kjellarhøgda i ungdomshuset på Aure. I 1934 skilde Nils Klock lag, og byrja eiga verksemd. Sjå under Klokkehaug, bnr. 3, Klocks Lenestolfabrikk.

A/S Solid hadde no byrja å emne på eige industribygg på Vikeøyra (Bjørklund bnr. 22) og huset vart teke i bruk i 1937. Huset var bygt i tre, og i 1940 brann det ned. Verksemda flytte etter dette til kjellaren til Kristian Vik i Sjursgården. Dette året slutta L. K. Hjelle som disponent og starta si eiga verksemd, L. K. Hjelle Stol- og Møbelfabrikk (Vik, Sagatun bnr. 48). Oskar Nybø som hadde vore kontormann ved A/S Solid, vart no disponent (sjå også Vik bnr. 33). Det var vanskeleg under krigen med nybygg, men i 1945 kunne A/S Solid flytte inn i nytt hus i betong på den gamle tomte på Vikeøyra. Her var fabrikkens så i verksemd til ut 1963, då A/S Solid selde huset til *Jens E. Ekornes*. Han leigde bort huset i 1965 til broren

*Sigurd Ellingsen Ekornes* (Ikornnes gnr. 41 bnr. 6) som dette året kom frå Ørsta der han hadde vore medeigar i Møre Lenestolfabrikk A/S som i 1929 opphavleg hadde vorte skipa i Sykkylven av Jens E. Ekornes og Peder Langlo, men flytte til Ørsta i 1931. Jens Ekornes kom kort etter attende frå Ørsta. Han starta i staden eigen fabrikk på Ikornnes, J. E. Ekornes Fabrikker, og selde partane sine i Møre Lenestolfabrikk, eller Møre Kurvmøbelfabrikk, som det heitte i den tida, til broren Sigurd som så flytte til Ørsta. I 1965 kom han som nemnt

attende til Sykkylven, og flytte inn i Bjørklund på bnr. 22. Her skipa han verksemda «*Ekos*» som stod for Ekornes og søner, og dreiv delproduksjon til J. E. Ekornes Fabrikker.

#### SVANEMØBLER A/S.

I 1967 vart Vik & Blindheim Møbelfabrikk som låg ved Bjørkelund, til sals, og det vart då skipa eit aksjeselskap av Sigurd Ekornes og brørne hans, Svanemøbler A/ S, og dette aksjeselskapet tok over både verksemda til Vik & Blindheim og Ekos, og så bygde dei gangbru mellom bygga. Produksjonen er ferdige salongmøblar, og noko delproduksjon til J. E. Ekornes Fabrikker. Verksemda har i 1974 28 tilsette.

#### FREDLY bnr. 24,

Utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1946 med skyld 0,02 mark.

*Sverre Martintissen Lyshol* frå Aure bnr. 87 f. 1910 g. 1937 m. Severine Larsdtr. Kjemphol frå Tusvik f. 1914, kjøpte tomta og sette opp hus. Sverre Lyshol er kasserar i Sykkylven Sparebank.

Barn; Sverre Egil f. 1954.

#### URIBO bnr. 25.

Utsk. frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1946 med skyld 0,02 mark.

*Øistein Eliassen Uri* frå Ålesund f. 1912 g. 1938 m. Oddveig Vilhelmsdtr. Remme frå Ålesund f. 1914, er røyrleggjarmeister. Han kjøpte denne parsellen av Bastian Aure i 1946 og bygde stovehus i 1953.

Born: Wenche f. 1943 g. m. Thorleif Marken. Bokhaldar, busett Stranda. Terje f. 1951.

#### BJØRKELY bnr. 26.

Utsk. frå Styrkågarden bnr. 5 i 1940 med skyld 0,02 mark.

*Petter Pettersen Klock* frå Aure bnr. 41 f. 1903 g. 1920 m. Beate Pettersdtr. Bårdsgjerde frå Ørskog f. 1903, er kjøpmann på Aure. Tomta på Vik kjøpte han i 1946 av Bastianne Aure, og bygde stovehus i 1956,

Born: Alfhild f. 1927 g.m. Reidar Bøe. Petter f. 1933. Maskinsjef.

LJOSHEIM bnr. 27

også kalla «Dagali» vart utsk. frå Styrkåbruket i 1946 med skyld 0,02 mark. Det var Harald Sandal som først kjøpte denne tomte. Han seldei 1950 til verbror sin

*Oddvar Rieve Kristiansen* frå Borge f. 1920 g. 1951 m. Borgny Bentsdtr. Sandal frå Vik bnr. 4, f. 1927. Han eig Møre Transformatorfabrikk i Ørsnes. Bygde stovehus på Vik i 1959.

Born: Dag f. 1953. Tore Rieve f. 1958. Jo Aslak f. 1965.

JOTUN bnr. 28.

Utsk. frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1946 med skyld 0,02 mark.

Ålesund og Møre Privatbank A/S kjøpte denne tomte i 1946 av Bastianne Aure.

*Michael Opstvedt* frå Ålesund (f. 1907, d. 1973) g. 1941 m. Inger Aune frå Ålesund f. 1915, var banksjef i Privatbanken A/S på Aure. Han vart påkøyrd av ein bil, og døydde av skaden han fekk.

VÅRLI bnr. 29.

Ufsk. frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1946 med skyld 0,02 mark.

*Lars M. Frøysa* frå Sunnylvn f. 1909 g. 1940 m. Maria Mathiesen frå Syvde f. 1917, kjøpte denne tomte i 1946, og bygde stovehus i 1952. Han er bilmekanikar og dreiv bensinstasjon og verkstad på Klokkehaug saman med Rolf Melseth. No har han eigen verkstad.

Barn: Rigmor f. 1943. Handelsutdanning.

NEDREBØ bnr. 30.

Utskild frå Bøen bnr. 2 i 1949 med skyld 0,01 mark. Petter Løvold seldetomte til

*Thoralf Edvardsen Myhre* frå Bindal f. 1910 g. 1942 m. Margit Martinsdtr. Skauvik frå Bindal f. 1917. Dei bygde stovehus i 1951.

Barn: Karl Terje f. 1945, lærar.

#### SKOGLY bnr. 31.

Utsk. frå Fenrikgarden bnr. 7 i 1949 med skyld 0,01 mark.

*Arne Mathiassen Lillebø* frå Selje f. 1917 g. 1948 m. Gudrun Jakobsdtr. Slingstadli frå Vatne f. 1926, har vore snikkar ved Vestlandske Møbelfabrikk frå 1936. Han kjøpte denne parsellen i 1949 og bygde hus same året.

Born: Toril Petra f. 1950. Jan f. 1954. Sølvi f. 1958. Anne Grethe f. 1965.

#### MYRVANG bnr. 33.

Tomta vart utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1950 med skyld 0,01 mark. Det var lærar Ole Frøysa som hadde kjøpt tomta og var komen på veg med bygginga då han selde til

*Oskar Olsen Nybø* frå Ørskog f. 1915 g. 1950 m. Gunnvor Kasbara Jakobsdtr. Hole frå Riksheim f. 1921.

Born: Jan Ola f. 1951, maskinkøyrar. Astrid Karen f. 1952 g. 1973 m. Severo Kristosich frå Jugoslavia, no i USA, Vidar f. 1958.

Oskar Nybø var først kontormann ved Møbelfabrikken Solid A/ S (Vik bnr. 22) til 1940 då han vart disponent. Denne stillinga hadde han til fabrikken A/S Solid vart seld i 1963. Oskar Nybø fullførde husbygginga i 1954. Sonen Jan Ola står no som eigar.

#### HØGTUN bnr. 34.

Utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1952 med skyld 0,01 mark.

*Rolf Espe* frå Volda f. 1913 g. 1942 m. Kari Eliasdtr. Vinje frå Aure bnr. 29 f. 1919, bygde hus i 1957. Han har agentur i møbdstoff.

Born: Liv f. 1944, lærar. Bjørn f. 1946. Eldrid f. 1950. Ragnhild f. 1950.

#### HAMARSET bnr. 35.

Utsk. frå Fenrikbruket bnr. 7 i 1952 med skyld 0,30 mark. Stykket er på 10 mål.

*Jens Olsen Vik* frå Fenrikgarden f. 1897 g. 1936 m. Agnethe Thorvaldsdtr. Dahl frå Oslo f. 1907, arbeidde i yngre år på trevarefabrikk både i Sykkylven og i Oslo. Han dreiv også vinterfiske etter sild og torsk

i 4 år. I Oslo gjekk han kveldskurs i frihandsteikning, og i 1925/26 var han elev ved Bibelskulen. Seinare har han verka som forkynnar i ymse misjonsgreiner, og arbeider no mykje som kunstmålar. Agnethe Vik har handelsutdanning.

Dei sette tidleg opp hus på Hamarset og har budd her. I 1975 kjøpte Jens Vik eit eldre hus på Løset etter Johan Løset, køyrde det til Vik og sette det opp att på ein stad som heiter Legene på Hamarsetstykket. Huset er no fullisolert, og har vorte ein triveleg og ny bustad for Jens og Agnethe Vik.

Born: Ole Torvald f. 1940 g.m. Lizet Suite. Han er ingeniør i Canada. Øyvind f. 1946, flygar, g.m. Jorunn Grytten frå Løvsøy.

Enstad bnr. 37.

Utsk. frå Bøen bnr. 2 i 1952 med skyld 0,01 mark.

*Bjarte Knutsen Enstad* frå Bjorli f. 1913 g. 1941 m. Bertha Berntsdtr. Straumsheim (Tua) f. 1912. Han er skreddar, og dreiv konfeksjonsfabrikken «Viko» saman med Olav O. Vik i Fenrik-garden (Sjå bnr. 7). Frå 1958 har han arbeidt ved J. E. Ekornes Fabrikker. Kjøpte denne tomta i 1952, og bygde hus i 1955.

Born: Knut f. 1943, pressefotograf. Bjarne f. 1951.

LILLEBØEN bnr. 38.

Utsk. frå Bøen bnr. 2 i 1952 med skyld 0,01 mark.

*Einar Korneliussen Lillebø* frå Vanylven f. 1924 g. 1951 m. Lilly Gerhardsdtr. Remøy frå Herøy f. 1924, arbeider ved Hj. Brunstad Fabrikker. Kjøpte tomta i 1952 av Anna Bøen, og bygde hus i 1954.

Born: Evy Lovise f. 1953. Kjell f. 1956. Asbjørn f. 1959.

HJELLETUN bnr. 41.

Tomta vart utskild frå Styrkågarden bnr. 5 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Lars Sigvald Hjelle* frå Stranda f. 1910 g. 1939 m. Helga Bertha Rørvik frå Vigra f. 1911, arbeider i møbelindustrien. Han bygde hus i 1952.

Born: Kari Helene f. 1940 g.m. Oddvar Sjong. Marit Johanne f. 1945.

BAKKELY bnr. 42.

Utsk. frå Fenrikbruket i 1953 med skyld 0,03 mark.

*Haldor Olsen Vik* frå Fenrikgarden f. 1918 g. 1948 m. Mary Manuelsdtr. Bakkely frå Hareid (f. 1921, d. 1966) arbeidde på B. R. Tynes Møbelfabrikk frå 1935 til 1942. I 1946 gjekk han sløyd lærarseminar i Sverige og tok svennebrev i 1949. Han har sidan arbeidt m.a. i Langevåg og i Oslo, og er no ved J. E. Ekornes Fabrikker. Han løyste ut denne tomte i 1952, og bygde hus i 1956.

Born: Odd Harald f. 1952. Inge Johannes f. 1963.

SOLLUND bnr. 43.

Utskild frå Styrkågarden bnr. 5 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Waldemar Stuen* frå Ørsta f. 1917 g. 1940 m. Leikny Larsdtr. Grebstad (Fredbø bnr. 5) f. 1915, bygde hus i 1953. Waldemar Stuen er skreddar. Leikny Stuen er styrarinne ved Sykkylven Telegrafstasjon.

Barn: Vidar f. 1946.

LADETUN bnr. 44.

Utsk. frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1953 med skyld 0,01 mark. Opphavleg bygseltomt.

*Kaare Digernes.*

Kaare Digernes seldehuset i 1945 til

*Petter Larssen Lade* frå Jogarden f. 1908 g. 1941 m. Thea Olsdtr. Sætre frå Olegarden f. 1914. Han løyste ut tomte i 1950 og bygde på huset i 1957. I yngre år gjekk Petter Lade på snikkarskule, og dreiv seinare som bygningssnikkar i 6 år. Han arbeider no i møbelindustrien.

Born: Lars Even f. 1942. Tekn. skule i Gøteborg. Ellinor f. 1943, kontordame i Oslo. Oddhild f. 1945, g.m. tannlækjar Oddbjørn Hjortdal frå Pegarden.

VESLEBO bnr. 45.

Tomt utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Anders Rostad*, politimeister i Ålesund, f. 1881, bygde hytte i 1943, og busette seg her etter at han vart pensjonert.

UTSYN bnr. 46,

Tomt utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Morris Bendixen* frå Ålesund, f. 1914, g. 1944 m. Karen Kolvik frå Ålesund f. 1915.

Born: Ellen Beate f. 1944, sjukepleiar, g. 1970 m. lektor Aasmund Haanes frå Kristiansand. Ruth *Mildrid* f. 1948, cand,mag., g. 1971 m. distriktslækjar Per Wik frå Trondheim. Morris f. 1954. Skuleelev.

Morris Bendixen er lækjar, og har praktisert i Sykkylven frå 1946. Då bygda vart eige distriktslækjarområde i 1962, vart Morris Bendixen utnemnd til distriktslækjar i Sykkylven. Han bygde hus i 1954.

I si tid som lækjar i Sykkylven har dr. Bendixen lagt ned eit samvetsfullt og stort arbeid under eit slitande arbeidspress. Ei av dei første oppgavene han gjekk serleg inn for, var å få has på tuberkolosen som framleis kravde mange offer i 1940-åra. Såleis fekk dr. Bendixen gjennomføre tuberkulinmatrikkelen i Sykkylven frå 1949, og dette tiltaket fekk mykje å seie for det førebyggjande arbeidet vidare. Han har også synt stor interesse for eldreomsorga, og sist men ikkje minst gått aktivt inn for å reise og bygge ut ein tidhøveleg sjukeheim. Sjå under Klokkehaug.

SAGATUN bnr. 48.

L. K. HJELLE STOL- OG MØBELFABRIKK A/S.

Industritomt med den gamle Vikesaga, utskild frå bnr. 3, 5, 6 og 9 i 1955 med skyld 0,03 mark., og seld til

*Lars Karl Larssen Hjelle* (sjå Klokkehaug bnr. 8 og Blindheim bnr. 25). Han hadde vore disponent for A/S Møbelfabrikken Solid (sjå Vik bnr. 22) til 1940 då han saman med svograne sine byrja eiga verksemd, L. K. Hjelle Stol- og Møbelfabrikk & Co. Aksjekapitalen var 10.000 kroner. Dei sette opp fabrikkbygg i 1942 og dreiv til 1944 då L. K. Hjelle tok over verksemda aleine. Han var eigar og leigar til 1966 då L. K. Hjelle Stol-og Møbelfabrikk gjekk over til aksjeselskap. Fabrikkbygget har vorte utvida i 1946 og i 1967, og står i 1974 framfor ei ny utviding. Golvarealet i 1974 var ca. 4000 kvadratmeter, og 42 personar tilsette. Produksjonen er for det meste stoppa møblar.

SOLTUN bnr. 50.

Utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1956 med skyld 0,01 mark.

*Børre Thomassen Strømme* frå Klokkehaug bnr. 11 f. 1929 g. 1957 m. Berge Rise frå Hareid f. 1934, bygde hus i 1960. Børre Strømme driv konfeksjonsfabrikk på Klokkehaug, bnr. 11.

Born: Thor Borge f. 1958. Jon Robert f. 1959. Julie Helen f. 1970.

FURULY bnr. 51.

Utskild frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1956 med skyld 0,01 mark.

*Ole Arnljot Frøysa* frå Sunnlyven, lærar i Sykkylven, kjøpte først denne tomte, men selde henne til

*Jon Johansen*, frå Narvik f. 1928 g. 1960 m. Edny Oline Ramstad frå Ramstaddal f. 1937. Dei bygde hus i 1960.

Barn: Henning f. 1965. Jan-Eldar f. 1968

SKOGLI bnr. 59.

Utsk. frå Styrkåbruket bnr. 5 i 1960 med skyld 0,01 mark.

*Ludvig Olaviussen Pilskog* frå Hareid f. 1907 g. 1935 m. Gunnhild Syversdtr. Bjørndal frå Ørsta f. 1907, er ekspeditør ved Stranda og Sykkylven Billag. Han kjøpte denne tomte i 1960, og bygde hus i 1961.

Barn: Anne Maren f. 1936 g.m. møbeltapetserar Torfinn Lie.

NORDBU bnr. 66.

Utsk. frå Bakketun bnr. 13 i 1960 med skyld 0,01 mark.

*Hallvard Eliassen* frå Sykkylven f. 1929, g. 1956 m. Norunn Karlsdtr. Vik (frå bnr. 13) f. 1933, kjøpte denne tomte i 1965 og bygde hus i 1966. Dei arbeider båe i Privatbanken A/S. Sykkylven.

Born: Anne Lisbeth f. 1956. Karl Johan f. 1959. Bjarte Anton f. 1962.

SIRATUN bnr. 67.

Utsk. frå Styrkågården bnr. 5. Nils C. P. Aure selde tomte i 1951 til



*Konrad Bernhard Petter Haugset* frå Utsira, f. 1917 g.1. 1947 m. *Martha Johannessen* frå Torvestad (f. 1914, d. 1956) g.2. 1958 m. *Perdy Jakobsdtr.* Slyngstadli frå Vatne f. 1924. Han har utdanning frå Rogaland Jordbruksskule, Haugesund Handelsskule, Statens Politiskule, og han har dessutan kystskippereksamen av II. klasse. Frå 1948 har han vore tilsett ved lensmannskontoret i Sykkylven. Medl. i kommunestyret. *Perdy Haugset* arbeider ved trikotasjefabrikken til *M. Solnørdal. K. B. Haugseth* bygde hus i 1963.

NYTUN bnr. 68.

Utskild frå Styrkåbruket bnr. 5.

*Oddvar Edvardsen Grebstad* frå Kjemphol bnr. 2 f. 1927, bygde hus i 1964.

Bnr. 77.

HJ. BRUNSTAD FABRIKKER A/S.

I 1968 flytte *Hj. Brunstad Fabrikker A/S* inn i nye fabrikklokale på Vik, med ei samla golvflate på 7.500 rutemeter. Fabrikken har også bygt eiga kai på eigedomen, og kan ta mot større lastefarty som går på kysten.

*Hj. Brunstad Fabrikker A/S* har også ei produksjonsavdeling i Straumgjerde, og i alt arbeider i 1974 ca. 100 personar ved verksernda. Sjå også *Straumgjerde* bnr. 28 og 35.

STYRKÅTUN bnr. 80.

CYLINDERTRYKK A/S.

Tomta Styrkåtun vart utskild av Styrkågarden bnr. 19, og seld av *Norunn Eliassen* f. Vik (sjå bnr. 13 og 66) til

*Eldar Arnorsen Bergmann* f. i Ørsta 1936, g. 1962 m. *Oddny Olsdtr.* Nakken frå Stordal f. 1941.

Barn; *Bjørn* f. 1968.

*Eldar Bergmann* gjekk i typograflære hjå far sin, *Arnor Bergmann*. I 1963 starta han saman med bror sin, *Åge Bergmann*, (bn; 89) trykkeriverksemda *Cylindertrykk*. Dei byrja i kjellaren til *Asbjørn Asbjørnsen* på Aure. Då *Eldar Bergmann* bygde hus i Styrkåtun i 1967, flytte dei verksemda dit, samstundes med at dei skipa henne om

til aksjeselskap. Her har Cylindertrykk A/S halde til sidan. Trykkeriet vart herja av ein brann i mars 1973, og så godt som alt maskinelt utstyr gjekk tapt, men trykkeriet kom i gang att med nytt og tidhøveleg utstyr. I 1971 tok Eldar Bergmann over aleine som styrar av verksemda då broren Åge gjekk over til lærarstilling i gymnastikk. Cylindertrykk A/S utfører både reklame- og aksidensarbeid, og har utstyr for både offsetprent, boktrykk og fotosats.

Bnr. 87.

*Nils Lillebø* frå Vanylven f. 1931 g.m. Margrethe Johansen frå Vanylven f. 1943, bygde hus i 1966.

Born: Tone Runhild f. 1962. Gunn Anita f. 1966.

Bnr. 88.

*Harald Erlandsen* frå Gimsøy f. 1934 g. 1956 m. Hildur Karin Lervåg frå Grip f. 1938, bygde hus i 1965.

Born: Rune f. 1957. Gyrid f. 1962. Geir f. 1967.

BERGHEIM bnr. 89.

*Age Bergmann* frå Ørsta f. 1932 g. 1952 m. Edith Lervåg frå Grip f. 1932, bygde hus i 1965. Han var medeigar i eit prenteverk på Vik. (Cylindertrykk, bnr. 80). Er no tilsett som idrettslærer.

Born: Tove f. 1954 g.m. lærarhøgskulestudent Jan Erik Jørstad frå Lillehammer. Stig f. 1958. Arild f. 1963. Åge Espen f. 1968.

Bnr. 90.

*Per Hallstein Vemøy* frå Haram f. 1936 g. 1959 m. Karin Olaus Søvik frå Ørskog f. 1939, bygde hus i 1966.

Born: Sveinung f. 1960. Kjetil f. 1962. Tove Elin f. 1965.

Bnr. 91.

*Per Kaspersen* frå Bø i Vesterålen f. 1936 g. 1960 m. Kjellaug Arnesdtr. Myklebust frå Stranda f. 1935, bygsla denne parsellen

på Høgebøane i 1965 og bygde hus i 1965. Han arbeider i møbel-industrien.

Born: Anne Rita f. 1960. Kurt Arild f. 1962. Monika f. 1965.

Bnr. 92.

*Karl Olavsens Ramstad* frå Ramstaddal f. 1943 g.m. Marvel Røsand frå Bremsnes f. 1941, bygde hus i 1965. Han er sekretær i Venstre.

Born: Wenche Anita f. 1962. Ole Kristian f. 1964.

Bnr. 93.

*Arne Grebstad Eliassen* f. 1927 i Sykkylven g. 1956 m. Karin Lovise Ramsli frå Borgund f. 1933, bygde hus i 1965.

Born: Terje f. 1957. Hildur f. 1959. Marit f. 1961.

Bnr. 94.

*Bjarne Runnestø* frå Kyrkjebø f. 1923 g. 1956 m. Alfhild Kari Eidsvik frå Vatne f. 1934, bygde hus i 1966.

Born: Terje Petter f. 1957. Bente Randi f. 1959.

Bnr. 95.

*Edmund Sone Rishaug* frå Buksnes f. 1935 g. 1957 m. Haldis Nilsen frå Buksnes f. 1937, bygde hus i 1966.

Born: Torbjørn f. 1958. Signy Helen f. 1961. Svein Roger f. 1963. Asle f. 1967.

Bnr. 96.

*Johan Løkvik* frå Stemshaug f. 1925 g. 1952 m. Edel Vatn frå Tingvoll f. 1927, bygde hus i 1966.

Born: Odd f. 1954. Marie f. 1958.

Bnr. 97.

*Kåre Arset* frå Syvde f. 1924 g.m. Gunnlaug frå Syvde f. 1924, bygde hus i 1967.

Barn: Berit Johanne f. 1962.

Bnr. 98.

*Bjarne Henry Aas* frå Ålesund i 1928 g. 1959 m. *Gerd Rosnes* frå Mandal f. 1928, bygde hus i 1966. Han er fabrikkssjef ved Sandella Fabrikker bnr. 105.

Born: Marianne f. 1960. Sissel f. 1961. Robert f. 1965.

Bnr. 100.

*Arne Brakstad* frå Tingvoll f. 1921 g. 1952 m. *Astrid Fagerlie* frå Tingvoll f. 1933, bygde hus i 1966. Han arbeider i møbelindustrien.

Born: Marianne f. 1952. Aud f. 1957.

Bnr. 102.

*Thor Helge Aas* frå Ålesund f. 1940 g. 1961 m. *Oddbjørg Langøy* frå Ålesund f. 1941, bygde hus i 1967.

Born: Siv Kristin f. 1961. Trygve f. 1963.

SANDELLA bnr. 105.

SANDELLAFABRIKKEN.

Sande Fabrikker A/S Vestfold starta i 1960 ein skumgummi-fabrikk i Straumgjerde. Dei tok over eit bygg Hj. Brunstad hadde ved elva i Straumgjerde, (bnr. 49), bygde på det og innreidde det til føremålet. Den nye fabrikk i Straumgjerde fekk namnet Sandella. Produksjonen auka, og bygget blei snart for trangt. I 1968 kunne Sandella flytte inn i stort, moderne nybygg på Vik, og produksjonen blei no lagt dit. Industriministeren, statsråd Sverre Walter Rostoft, opna fabrikk under ein større fest.

Fabrikk på Vik er bygd i to høgder. Fabrikshallen og støyperiet er i ei høgde, medan kontorfløya er i to høgder. Golvarealet er 1.760 kvadratmeter. Entreprenørfirmaet Lillevik & Dalen har bygt kontorfløya. Driftsstyrar frå starten har vore Bjarte Ås frå Ålesund. (Vik bnr. 98).

Bnr. 106.

*Olav Kåre Oskarsen Hatlemark* frå Klokkehaug bnr. 59 f. 1939 g. 1962 m. *Sissel Liavåg* frå Hareid f. 1942, bygde hus i 1962.

Born: Nan Lisbeth f. 1963, Bente Karin f. 1965. Thor Oskar f. 1967.

BAKKETUN bnr. 121.

*Kårstein Nikolaisen Blindheim* frå Reitebakken bnr. 7, f. 1932 g. 1964 m. *Else Krohn* frå Åndalsnes.

Born: Elise f. 1965. Narve f. 1968. Håvard f. 1969.

Kårstein Blindheim var ferdig tannlækjar i 1961, praktiserte først eit par år på Åndalsnes, og flytte så til Sykkylven og byrja som tannlækjar her. Han bygde hus på denne tomte i 1970. Han er p.t formann i styret for Sykkylven Sjukeheim, og er også formann i Sykkylven Høgreparti.

SANDBU bnr. 135.

Tomt utskild frå Geila bnr. 9 og seld til

*Jarle Bertel Larssen Hjelle* frå Blindheim bnr. 25 f. 1933 g. 1963 m. *Sølvi Eilertsen* frå Hareid f. 1944.

Born: Dag Frode f. 1964. Bjørn f. 1965. Trond f. 1969.

Jarle Hjelle er utdanna siviløkonom frå Norges Handelshøgskole i Bergen, og er no salssjef ved L. K. Hjelle Stol- og Møbelfabrikk A/S. (Vik bnr. 48). Dei bygde hus i 1972.

DALHEIM bnr. 148.

*John Birgersen Strømme* frå Vik bnr. 12 (16) f. 1941 g. 1967 m. *Berit Blankholm* frå Spjelkavik.

Born: Trude f. 1969. Hanne Brit f. 1971. Dei bygde hus i 1972.

STÅLTOMTA bnr.

SYKKYLVEN STÅLINDUSTRI A/S.

Jostein Gjerde (sjå Blindheim bnr.75) var arbeidsleiar ved Møre Transformatorfabrikk på Ørsnes. Han bygde i 1958 ein mekanisk

verkstad på Blindheim og arbeidde her om kveldane og i feriane, til han i 1969 slutta ved Transformatorfabrikken og gjekk inn for arbeidet ved den mekaniske verksladden. Han dreiv med eit par mann, men arbeidsplassen vart trang, og i 1971 kjøpte han gjennom Sykkylven kommune ei industritomt på ca. 2 mål som kommunen hadde løyst av Kristian Vik i Sjursgården. Jostein Gjerde sette opp fabrikkbygg med golvflate på ca. 350 rutemeter. Verksemda har namnet Sykkylven Stålindustri A/S, og Jostein Gjerde er disponent. Der er no 6 mann i arbeid, og produksjonen er transportmaskiner for intern transport, rørstolar og rørkomponentar, beslagvarer for industrien, og vanleg mekanisk service-teneste.

## **Blindheim, gnr. 18. [\(Til innhald\)](#)**

Skrivemåten på namnet var Blinndem i 1603, Blindem i 1606, Blindemb i 1626, 1666 og 1723. Garden grensar i nord og aust til Vik der Vikeelva eller Blindheimselva, som ho også vert kalla, er grenseskil. Bytet går vidare etter Gimsdalselva til Grønevatnet. I søraust grensar Blindheim eit stykke til Tandstad si setremark. Bytelina går i skaret mellom Skålholttindane med retning mot Gimsdalstind. Ein stor «klovningsstein» i skaret er eit lett kjenneleg bytemerke. Sør for Blindheim ligg Tjønes, og i vest strekkjer garden seg nedover mot Sykkylvsfjorden. Ved søre enden av Blindheimslandet mot bytet til Tjønes lagar fjorden ei lita bukt som eldre folk kalla Jektevika. Etter tradisjonen la hollenderskutene til lands her på 1600-talet og tok inn tømmer m.a. frå Vikedalen, Blindheim- og Tjønesskogane. Jektevika var ein lagleg plass, for båtane låg i livd for både sønnavinden og nordavinden. Jektene var fortøya akter til hammaren på sørsida av vika. Kyrkjebåtane med folk frå sørsida av Sykkylvsfjorden brukte også å legge til lands i denne vika heilt fram i 1900-åra. Kyrkjefolket kalla staden Bringebærdalen. I 1907 bygde H. Schmidt hus og fabrikk med kai i Jektevika (Nyheim bnr. 9), etter at han hadde fylt ut ein god del av inste vika med stein og singel frå sandtaket lenger oppe. Rutebåten Straumgjerde - Ålesund stogga kvelds og morgon ved Schmidt-kaia på Blindheim i første halvdel av 1900-åra, og serleg i den tida sementsteinfabrikken til Schmidt stod i sitt flor under første verdskrigen var det etter måten stor ferdsle over kaia. Stundom kom det store laste-dampskip med sement til fabrikk og lossa her. På hammaren ovafor sørsida av Jektevika stod ei lita stove der Blindheimskarane og grannane kunne tørke malt når dei skulle bryggje øl. Denne stova brann ned i 1940-åra.

Blindheim høyrde til Vik skulekrins, og skulehuset står på Blindheim. Første skulehuset vart etter tradisjonen bygt i 1863,

somme meiner det var i 1856. Dette var elles det første skulehuset i Sykkylven. Mikkjel Rasmussen Engebø (Sjå Vik, Helje-garden bnr. 1) var bygningsformann. Skulehuset stod den gongen ut og inn langs postvegen. Det hadde inngang og lærarkammers i eine enden, og røykstove i andre enden som skulerom. I 1896 vart det bygt eit større skulehus med kjellarhøgde under. Johan Ananiassen Fauske på Indre Fauske bnr. 6 var formann på dette bygget. Krinsen fekk nytt moderne skulehus eit stykke aust for gamleskulen i 1967. Entreprenør for dette bygget var Arne Flaate (sjå Straume bnr. 5). Frå 1954 har storskuleborna frå Vik krins vorte førde over til Aure skule, og i 1964 vart Vik krins slegen saman med Aure og Aurdal krinsar med namnet Aure krins. Småskuleborna i gamle Vik krins går framleis i skulehuset på Blindheim.

Frå 1795 då lensmann Peder Christian Astrup flytte frå Sjøholt til Blindheim (Fredrikgarden bnr. 3), vart Blindheim tingstad i Valle skipreie. Her stod også tiendestova. Etter tradisjonen vart denne stova seinare seld til Herøy. I 1820 vart Ole Jetmundsen Glomset (Indre Fauske bnr. 8) lensmann, og det vart slutt med tingsetet på Blindheim. Men kommunestyret hadde seinare ofte møta sine både i det gamle skulehuset, og når dette var oppteke, i Erikstova bnr. 4. Etter at Blindheim fekk nytt skulehus i 1896, samla stundom ungdomen seg frå heile bygda til fest i skulekjellaren. Såleis heldt dei 17. mai festar her ei tid, og m.a. førde fram skodespel i denne kjellaren. I 1907 vart Sykkylven Privatbank skipa, og banken hadde kontoret sitt på Blindheim i O. B. Nilsen sitt hus (bnr. 8) til 1929 då Privatbanken sette opp eige hus på Aure (bnr. 69).

Blindheim ligg godt til rette for både gardsdrift og fjordfiske, og etter alt å døme har det vore gamal busetnad på garden. I 1955 fann Peter Ludviksen i Eriksgarden bnr. 4 eit eggstykke av ei tverregga grønsteinøks i ein åker på flata nedfor løa. Bergens Museum som fekk eggstykket, meiner at øksa er frå den yngre steinalderen (3000 - 1500 f. kr.). På same bruket fann Bernt Eliassen Blindheim i 1904 ei lang rad opplagde store flate steinar i fleire høgder nedst på Sjøabakken då han braut ei gamal åker-reine der nede. Det kan ha vore eit vern for åkermolda slik at ho ikkje rausa unna bakke, men slik vernet var skapt kunne det også sjå ut til at det hadde vore eit forsvarsverk for garden mot åtak frå sjøsida.



I Hau-Ola-garden bnr. 1 fann Ole Peter Jenssen Blindheim ein spydspiss og andre restar av eit spyd.

Etter tradisjonen var det fleire mindre stein- og jordhaugar som kunne minne om gamle gravhaugar nedover flata mot Sjøa-bakken på dette bruket, men desse haugane vart bortkøyrde og jamna med jorda under dyrkingsarbeid kring 1900-årsskiftet. På Fredrikbruket bnr. 3 fann Karl Fredrik Olsen Blindheim fleire myntar.

Somme meiner at Blindheim har vore hovdingsete i mellomalderen. I denne tida hadde fleire av dei mektigaste ættene i landet gardar i Sykkylven og budde her, m. a, Arnungen Pål på Aure, verson hans, Gudøyættingen Kollbjørn på Grebstad, og dessutan Karl Berdorsen på Straumsheim. Han var også av Gudøyætta. I 1100-åra steig det fram ei anna mektig ætt i landet, Blindheimsmennene. Den som er først namngjeven av denne ætta, er Jon Smørbalte. Han hadde sonen Hallkjell Huk som var lendmann på Møre. Det var Hallkjell som reiste til Suderøyane og henta heim til Norge Magnus Berrføtt sin son, Harald Gille, som vart teken til konge i 1130. To av døtrene til Harald Gille vart gifte med Hallkjellsønene Simon og Jon. Av det Snorre fortel i saga om Magnus Erlingson, kap. 6, ser ein at garden til Blindheimsmannen Jon Hallkjellson låg «inn frå leia». I 3 162 då Erling Skakke siglde nordetter med ein stor flåte for å kjempe mot Håkon Herdebrei, som kravde kongsmakt, sende han ei skute inn frå skipsleia til garden hans Jon Hallkjellson. «Dersom denne garden hans Jon Hallkjellson er det same som Blindheim, so kunne det - etter sogeteksta - ikkje vere Blindheim på Vigra, men eit Blindheim som ligg «inn frå leia». Altså anten Blindheim i Borgund eller Blindheim i Sykkylven», skriv Ola Kvalsund i bygdeboka Borgund og Giske I, s. 227.

Etter Svartedauden i 1349 har Blindheim truleg lege øyde ei tid. Garden er såleis ikkje nemnd i Tiendepenninglista frå 1520. I 1600-åra var det tre bruk på Blindheim, og frå 1758 var det fire. Slik heldt det seg til midt i 1800-åra då det kom til nokre husmannsplassar. Frå 1920 og serleg under og etter krigen som byrja i 1939, har det vore utskilt mange tomter frå dei ymse bruka.

Innmarka på Blindheim låg i sameige med teigbyte til 1833 då det vart halde jordskifte. Først på 1900-talet vart nedre delen av utmarka lagd til innmarka. Utmarksgarden kom etter dette lenger opp.

Ein stor bit av dette området, Blindheimsbakkane, er no seld til tomter, og mange nye hus er komne opp. I 1924 var det nytt skifte av innmarka, og bruka vart då utlagde slik ein finn dei i dag.

Gamletunet på garden låg om lag frå der Larsløa no står og strekte seg sørover til den noverande Hau-Ola løa. Larsfolket og Erikfolket hadde kvar ein gamal hage, og der voks det både epletre, stikkelsbær- og ripsbærtre. Larsfolket hadde også bringebær, og slik bær var det få som dyrka i den tida. Fredrikfolket flytte or gamletunet truleg etter jordskiftet i 1833, og sette opp husa att lenger syd, om lag der tunet ligg no. Hau-Ola-stova vart flytt berre nokre meter lenger sør. Erikstova kom noko nærare postvegen i 1881, og Larstova vart bygd noko nærare elva i 1863. Geila som krøtera gjekk, munna ut frå gamleløa i Eriktunet og førde opp til utmarksgarden som var like aust for O. B. Nilsen sitt hus. Då Blindheimskarane ca. 1900 la inn den nedste delen av utmarka si og fekk innmark her, sette dei opp sommarfjøsar på Reiten. Når våren kom og folk fekk sleppe buskapen opp om garden ved sommarfjøsane, kjende vel både budeia og dyra dette som ein frigjeringsdag, og det var tradisjon at folket gav seg tid til ei pratartund på Reiten slik at dei kunne både fortelje nytt og frette nytt. Det var på eit slikt stemnemøte ei av husmannskonene på garden tykte det gjekk på æra laust at mannen hennar visste så lite om slikt som hadde hendt, og kveste i til han: «Du kan dra deg ned til han Erik-Elias som held «Sunnmørsposten» og få frette litt nytt du og!»

Blindheim hadde ord for å ha godt kornland, og det vart sagt at Blindheim med Sætre på andre sida av fjorden var dei gardane i Sykkylven som fekk havren sin først mogen. Folk såg stort på slike tilhøve, og det gav seg mange praktiske utslag. Ein mann på garden fortel etter bestemor si at ho i ungdomstida baudst to jordagutar til ektemake, den eine budde på Blindheim, den andre på ein annan gard i bygda. «Men eg valde Blindheim», sa ho. «for der var så godt kornland.» Ein generasjon tidlegare kom ei ung jente til grannegarden på Blindheim for å vitje guten ho var trulova med. Det kom ein knute på tråden den dagen, og ho gjorde slutt på trulovinga. «Men,» fortalde ho seinare til son sin, «då eg kom ut att på dørhella og såg nedover desse flate, fine kornåkrane, vart det til at eg gjekk inn og gjorde det godt att».

Gamleåkrane låg nedover flata mot sjøen. Ein av dei nedste vart kalla Rompa, ein annan Syndet. Tust og skeidd vart nytta under truskinga fram til 1880-åra. Då tok dei fleste gardbrukarane i bruk truskemaskiner som gjekk med vasskraft. Larsfolket og Erikfolket lyfte steinen av kverna si, sette hjul på kallen og hadde snor til truskemaskinen i løa. Fredriksgarden og Hau-Ola-garden førde heim Vikeelva frå Larsgjerdet ovafor det nye skule-huset på Blindheim. Truskevatnet gjekk først i veite, sidan i trerenne langs Brautene og Ulvsbakken til om lag der huset til Sigfred Blindheim no er. Der var truskehjulet til Hau-Ola garden. Vatnet gjekk vidare i veite på skrå inn og nedover Fredrikbruket til Bringebærdalen, og her var truskehjulet til Fredrikbruket. Frå hjula var det maskinsnor til løene. På Reitebakken tok dei heim Storerystgrova når ho voks opp om hausten. Vasshjulet stod ved gamleløa. Dei andre småbruka nytta framleis tust og skeidd i mange år. Då den elektriske krafta kom i 1918, kjøpte brukarane på Blindheim elektrisk motor saman med Vik og Tjønes, og no vart det slutt på vasshjula. Nokre år etter krigen slutta i 1945, kosta same gardane seg truskeverk, men no minka korndyrkinga fort, og truskeverket har vore lite i bruk frå 1960-åra.

Kvernane på Blindheim stod ved Vike-elva. I 1700-åra er det nemnt to. Larsfolket og Erikfolket hadde si kvern utafor Lars-stova. Hau-Ola-folket og Fredrik-folket hadde kverna si eit lite stykke lenger oppe ved elva like ovafor den noverande Vik bru, og denne kverna står farmleis. Reitebakk-kverna står lenger oppe ved elva, og er frå seinare år. Det var Petter Nikolai Aursnes som i 1870-åra sette opp kvernhus og slok. Han kjøpte ei kvern i Langevåg, og steinane bar dei opp frå Blindheimsfjøra i eit bryllaupslag. Under krigen i 1940-åra laga Nikolai Rasmussen på Reitebakken ny kall til kverna, vølte huset og la på steintak. Kverna kom då i god stand, og ho gjorde mykje nytte for seg i denne vanskelege tida.

Utmarka til Blindheim ligg aust for garden på sørsida åt Vike-elva og Gimsdalselva og strekkjer seg søraustover mot Tandstad si setremark. Nærast garden er heimhamna. Setremarka ligg lengst oppe. Heimhamna vart rekna som god, men det vart mykje samarbeite med buskapen frå Tjønes som hadde mjølkarstaden sin på Reiten ovafor Blindheimsgarden. Tjøneskyrne gjekk i eit lite gjerde her om natta. Dette stykket ligg framleis til Tjønes, og Larsbryket, bnr.1, har løyst

inn retten som fylgjer denne gamle mjølkarstaden.

Blindheim hadde i slutten av 1800-åra to setrar. Gamlesetra låg ca. 2,5 km. frå heimegarden og var i bruk til ca. 1915. På etter-sommaren kom buskapen til Skålholten med gjeting i Gimsdals-markene. Dei gjette både storfeet og småfeet fram til ca. 1900. Sjå elles om Blindheimssetra i Sykkylven i eldre tid I, s. 112.

Garden hadde utslåttar både i heimhamna og i setremarkene. Folk slo for det første opp gjennom utmarka ovafor bøgarden. Dei fleste hadde også slätte heilt inne ved Gimsdalsbrekka. På Skålholten slo kvar av gardbrukarane på Blindheim 8 vinterlass med småhøy. Dei hadde høyløer her, og drog heim høyet på vinterføre. Garden hadde dessutan utslätte ved Fossane ovafor Gamlesetra.

Skogteigane ligg både i heimhamna og i setremarka. I 1852 var det frivillig jordskifte av skogen, men teigane var framleis nokså småbytte til det vart nytt jordskifte i heimeutmarka i 1953. Då vart denne delen av utmarka utlagd til eigedoms grunn. I setrehamna er tilhøva som før.

Garden har hatt svært verdfull skog i marka si i gamal tid. Etter segna stod det fureskog heilt ned til fjøra, og folk leitte ein gong i tre dagar etter ein kalv i skogen på bømarka. I slutten av 1500-åra og i byrjinga av 1600-talet vart det her som på mange andre gardar i bygda, drive rovhogst på skogen. På fleire stader i marka syner det framleis att merke etter gamle sledevegar der dei køyrde tømmeret til sjøs, såleis i Bringebærdalen der vegen gjekk ned i Jektevika. Det syner også restar etter mange kolmiler. Såleis var det ein stor kolhaug på Blindheimsbakkane framafor Reitebakkløa. Nikolai Blindheim køyrde mange kollass frå denne haugen og brukte det som gjødsel på åkrane. Eit stykke nedafor Reitebakkstova var det også restar etter kolmile, sameleis neda vegen eit stykke heima Tjønnesetra. Larsfolket på Blindheim planta gran der, og trea har vokse serleg godt i denne oskeblanda jorda. I bakken nedfor Gamlesetra syner det også merke etter kolmile. Framleis er det att ein del verdfull fureskog serleg i setremarka, t. d. i Gjerds kjærhola, i Kvitletongane, i Gamleseterbakkane og i Brekka. I 1890-åra tok blindheimskarane til å plante gran både i setremarka og i heimhamna. Ole Pettersen i Fredriksgarden bnr. 1 var, etter tradisjonen, den første som byrja. Plantearbeidet fekk seinare god vind i segla, og det står no mykje fin

gran i marka. Sykkylven frilynde ungdomslag var også med på skogreisinga i Blindheimsmarkene. I 1907 fekk laget leige eit stykke av Bernt E. Blindheim, og alt same året sette ungdomslaget ut 2000 granplanter på Mjelthaugane. Seinare vart det fleire, og skogen står no rett fin.

Fra gamal tid har det vore sag på garden. Kvar den gamle saga stod, er det ingen som veit. Truleg har ho skift plass fleire gonger, og med tida kame nærare og nærare ned mot sjøen, slik som på Vik. I Skålholtmarka inn ved Straumsdalselva er der ein stad som framleis ber namnet Sagebakkane. Det er vel mest truleg at det har vore handsag karane har arbeidt med på denne staden. Men først på 1600-talet er i alle høve flaumsaga på Blindheim i full verksemd. I 1603 skatta saga av 50 tylfter skorne bord, i 1614 og 1625 av 40 tylfter. Seinare minka det av etter kvart. (Om skogøydinga sjå t. d. under Vik sag, gnr. 17.) Fram gjennom siste halvparten av 1600-åra og første delen av 1700-åra er det lite å finne om saga på Blindheim, sikkert av den einfelde grunnen at det fanst lite eller inkje sagtømmer att. I 1737 fekk lagrettemannen Ole Endresen Blindheim kongeleg løyve til å drive sagbruk og bygge opp «en liden Bechesaug paa sin egen side paa gaarden Blindem, Præstebolet tilhørende». Om karane på Blindheim har utsett bygginga eller om flaumen har teke saga nokre år etter, er uvisst. Men i 1749 vart det bygt ny sag på Blindheim. Ho stod med halv damstokk på benefisert gods (Blindheim), og halv damstokk på proprietærgods (Vik). I åra som fylgde var det svært vanskeleg å skaffe sagtømmer, enda folk vanta material både til husvøling og likkister. Sjå Vik sag. Berre 90 bord skar dei på Blindheimssaga i 1760, og saga kom til nedfalls. I 1773 var saga ubrukeleg. Men no har dei truleg vølt henne og bygt henne om, for i 1774 var saga i drift att, og ho stod no med heile damstokken på benefisert grunn, det vil her seie på Blindheims grunn. År om anna skar dei no «nogle faa vankantede bord til bygdens fornødenhed». Men i 1793 låg saga øyde, og i 1798 vart det fortalt at Blindheims sag er «gandske ned raatnet og bort taget». På hausttinget på Blindheim det året gav oppsitjarane frå seg det kongelege privilegiet dei hadde hatt til å drive sag, og som Ole Endresen Blindheim sist hadde nya opp att i 1768.

No vart det visstnok ikkje sag på garden før Martinus Olsen Blindheim i Larsgarden sette opp ei elektrisitetsdriven sag i 1953.

Ho står på Hjellane nedafor Larshusa. Larsfolket selde denne saga i 1965 til Bastian Myhre på Klokkehaug. Han har no leigt henne bort, men saga er i drift. I 1967 vart det såleis skore ein heil del jarnvegssviller. Skurtømmeret kom for det meste frå Vikedalen.

Jordbruk og feal har ned gjennom tida vore viktigaste næringsgrunnlaget også for Blindheim, kanskje med unnatak frå tidbolken først på 1600-talet då skogdrifta utan tvil skaffa brukarane inntekt. Blindheim var tungvunnen til høyr, heiter det i 1724, men i 1864 seier matrikelkommisjonen at garden var lettbrukt, og etter som tilhøva er, må det vere rett. I slutten av 1800-åra kom nydyrkinga i gang, og markaplogen kom i bruk. Arealet oppover Blindheimsbakkane som gardbrukarane la inn som dyrkingsjord frå utmarka, auka jordvidda mykje. Jorddyrkinga skaut fart under førre verdskrigen. Garden hadde eit svært aktivt dugnadslag som braut jord minst ein dag kvart år hjå den einskilde brukaren. Både gardmennene og plassemennene var med i dugnadslaget.

Så lagleg som Blindheim ligg til ved sjøen, er det også rimeleg at fisket har spelt ei stor rolle for matberginga. Av gamle skiftebrev ser ein at brukarane har vore godt utrusta med fiskevegn. I 1823 er det nemnt lakseverpe på garden. Det har seinare kome bort. Torsken går år om anna heilt inn til Blindheimslandet. Elles er fisket i Borgundfjorden årvisst. Ei rettssak frå 1822 gir ein glytt frå dette torskefisket. Anders Olsen Blindheim og Peder Pedersen Riksheim fekk det året ei mulkt fordi dei ikkje hadde retta seg etter tilvisinga frå oppsynsmannen då dei sette garna. Dei fekk ei mulkt på 4 spd. for dette, og dei måtte dessutan levere frå seg fangsten dei hadde fått natta mellom 20. og 21. april. Anders hadde fått 80 torsk, og Peder 16 torsk. Prisen var 7 skl. pr. stykke.

Blindheim hadde også part i eit notlag ei tid med Vik og Tjønes. Naustet til notbåten stod ved Eriknaustet.

I 1930-åra var det mange som byrja med reveal. I Larsgarden var det serleg blåreven dei slog seg på, elles var det sylvrev både i Fredriksgarden, Eriksgarden, på Bjerkegløtt bnr. 8, og på Reitebakken. Glanstida for revealet varde ikkje lenge, og i 1940-åra var det slutt. Meir å seie for næringsgrunnlaget fekk industrireisinga som skaut fart i Sykkylven i 1930-åra. På Blindheim hadde H. Schmidt byrja med ein sementsteinfabrikk i 1904 (Sjå bnr. 9),

og mange fekk arbeid der. I 1930-åra kom møbelindustrien inn i biletet, og utviklinga gjekk raskt. I dag har industrien og servicetiltak som knyter seg til industrien, vorte viktigaste næringsgrunnlaget også for folket på Blindheim. Folketalet har auka til det mangdoble dei siste 30 åra, og svært mange nye bustadhus har vorte bygde. Berre eit mindretal av gardsbruka er no i full drift, og talet på husdyr har minka sterkt.

#### MATRIKKELGARDEN BLINDHEIM, gnr. 18.

Blindheim vart i 1600-åra rekna i skatteklasse med halve gardar. Skylda var 3 våger fiskeleige til 1838 då det vart ny skyld, 9 dlr. 20 skl., rev, 1890 til 16,59 skyldmark. Leidangen var først på 1600-talet i geitskinn og 2 kalvskinn, og frå 1666 1 geitskinn og 3 kalvskinn. I 1705 var leidangen 2 ort. Tienda var i 1666 3½ t. havre, ½ t. bygg og ½ våg 4 mrk. ost, og i 1717 3½ t. havre, 4 skjeppe bygg, og 1 pd. 16 mrk. ost.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

- 1626: Då er der 3 mann. Sånad: 7 t. korn.
- 1666: 3 mann. Sår 12 t., avlar 40 t. Kan fø 34 naut og 3 hestar. Brennefang.
- 1717: 3 mann. Sår 12 t. havre, 1 t. bygg, og avlar 36 t. havre og 5 t. bygg. Kan fø 30 naut og 3 hestar. Ringt brennefang. 2 små kvernar.
- 1724: 3 mann. Sår 8 t. havre, ½ t. bygg, avlar 32 t. havre, 8 t. bygg. Nok brennefang. 2 små kvernar. Tungvunnen til høy, viss til korn. Seter ¼ mil frå garden.
- 1774: 4 mann.
- 1802: 4 mann som kvar brukar 2 pd. 6 mrk. og sår 3 t. havre, ½ t. bl. korn, ½ t. bygg, og avlar vel 7 foll. Fôrar 8 storfe, 1 hest og 23 småfe. Garden har skog til brennefang, men «ganske lidet» fureskog. Sommarbeite til buskapen i utmarka og seterdalen. Kvart bruk kan drivast med 5 arbeidsmenneske.
- 1864: Hamnegangen til buskapen er god på alle måtar, og garden har skog til husbruk, og kan selje litt bjerk. Garden er lettbrukt.

1875: 9 mann. Fôrar 4 hestar, 1 unghest, 42 kyr, 13 ungfe, 83 sauer, 36 geiter, 7 grisar. Sår 1¼ t. bygg, 10 t. bl.korn, 27 t. havre og 25 t. poteter.

#### EIGARAR.

Blindheim var gammalt kyrkje- og prestebolgods. Ørskog prestebol åtte halve garden d.v.s. 1½ våg fiskeleige, og rådde for bygselen. Sykkylven kyrkje åtte den andre halvparten. Han fylgde kyrkjegodset som kong Fredrik IV. Selde til major Rømer på Klokkehaug i 1724. På auksjon etter Rømer i 1744 kjøpte prost Hans Jakob Hiort kyrkjegodset. Det gjekk vidare til versonen Nils Mechlenborg på Klokkehaug og ætta hans. Då bøndene i Sykkylven kjøpte kyrkja og kyrkjegodset i 1809, fylgde parten på 1½ våg i Blindheim med i handelen. I 1830-åra løyste leiglendingane på Blindheim ut bruka sine og vart sjølveigarar. Sjå vidare under Brukarar.

#### BRUKARAR.

##### BRUK A.

*Jørgen Olsen Blindheim* bygsla 6 mællag, d.v.s. halve Blindheim, og sat som brukar 15.- ca. 1633. Han hadde m.a. sønene Knut, Peder, Sjur (Vik bnr. 3, 5 og 6) og dessutan sonen Ole som i 1643 gifte seg med dotter til Helge Dravlaus. Det er mogleg at Ole hadde bruket ei tid etter far sin, men sikkert er det at nokre år seinare kjem ein ny Ole til gards. Det er

*Ole Endresen* f. ca. 1596.

Br. ca. 1640—ca. 1680.

Det kan vere ting som tyder på at Ole er frå Hundeidvik der han eig ½ våg 9 mrk. fiskel. i Midtgård. Han må ha vore gift meir enn ein gong, men sist truleg med ei Marte Hansdtr., d. 1708. Ole er lagrettemann frå 1650-åra. I 1658 skatta han av 1 hest, 13 kyr, 7 geiter, 7 sauer og 1 okse. Ei tid delte han visstnok garden med ein

*Askjel* som er nemnd på Blindheim frå ca. 1630 til ca. 1654.

Enkja etter Ole Endresen gifte seg att med

*Sjur Olsen* (d. 1696).

Br. ca. 1680 - 1696.



I 1691 sel Sjur den jordeigna som Ole Endresen hadde hatt i Midtgård, til Sjur Hundevik. Sjur Olsen Blindheim var lagrettemann frå 1690-åra. Han hadde to born, Hans og Ole. Skiftet etter Sjur i 1696 syner at det hadde vore etter måten velstand i denne heimen, og der var mange sjeldne eignaluter. Buet hadde ei brutto eige på 110 rdl. Gjelden var 32 rdl., og dessutan kravde Marte Hansdr. sine born frå første ekteskap arv som dei hadde ståande i buet, i alt ca. 75 rdl. Endre Olsen fekk m.a. ei sylvskei med knapp for 1 rdl. 1 ort og 8 skl., ei tinnsål 4 ort, eit tinnfat 2 ort, ein toarma stake og ein bordring 1 rdl. 3 ort, eit flatt tinnfat 4 ort, 2 djupe tinnkanner 1 rdl. 3 ort, 3 tinntallerkar 4 ort 8 skl., 3 kyr 9 rdl. og ein hest 1 rdl. 3 ort. Anne Olsdr. fekk m.a. eit sylvbelte på fløyel for 9 rdl. (Same verde som 3 kyr!) Eit flamsk åklede 1 rdl. 3 ort. Marte Olsdr. fekk m.a. eit sylvbelte på reim for 7 rdl., ei flatskafta sylvskei 1 rdl., ei smørkanne av tinn 1 rdl., og ei underseng med hovuddyne for 2 rdl. 3 ort,

Etter Sjur Olsen kom styksonen

*Endre Olsen Blindheim* (f. 1661, d. 1741) g.m. Berte Nilsdr. (f. ca. 1654, d. 1735).

Br. 1696 - 1716.

Bygselbrev på 1½ våg i 1696 frå soknepresten på Ørskog, Truls Krogh, Endre Olsen var lagrettemann. I 1704 var han med og skreiv klagebrev til kong Fredrik IV. over skattebyrdene. På vårtinget i 1720 var han i kast med fogden, Nikolai Astrup, som melde Endre for «ukvems og usømmelige ord». Endre svarte at hadde han sagt noko om fogden, var det hendt i drukkenskap, og han kan ikkje hugse noko om dette og bad inderleg om tilgjeving. Fogden drog attende tiltalen, men gav Endre ei åtvaring. Siste åra brukte Endre garden saman med sonen

*Ole Endresen Blindheim* (f. ca. 1700, d. 1775) g.l. m. Berte Andersdr. Glomset (f. ca. 1699, d. 1735) g.2. m. Berte Ågnesdr. (også skrive Hågensdr.) frå Grytten skipreie (f. ca. 1714, d. 1765). Ho er nemnd i eit skifte etter Ellie Pedersdr. Moløen (Moldnes?) i Grytten i 1738. *Berte* hadde m.a. syskena Anders Hågensen Lauvsund (Vatne), Sjur Hågensen Moldnes og Mali Hågensdr. Rørvik. Ole Endresen fekk bygselbrev frå sokneprest Ibe Rafnsberg på 3 mællag i 1716, og nytt bygselbrev i 1721 frå sokneprest Hans Jakob Hiort i 1721 på 1½, våg. Ole sat med heile bruket til 1758, sidan halvparten til 1766. Han var lagrettemann frå 1721, og var velståande. Såleis åtte han m.a. ei jakt på 10 lester saman med Elias Aure, Jan Ebbesen

Aurdal og Otte Nilssen Vik. Ole Endresen kjøpte også noko jordegods, m.a. 1 mællag 13½ mrk. i Brunstad av Hans Kristensen Barstad f. Aurdal. Dessutan åtte han jord på Hesseberg og i Bjørkedalen. I skiftet etter andrekona hans, Berte Ågnesdtr., i 1765, synte buet ei brutto eige på 280 rdl., og ein gjeld på 13 rdl. Det er her rekna opp mykje innbu, klær og andre ting, m.a. eit sylvbelte som vog 22 lodd, verdsett til ca. 12 rdl. I 1767 gjekk Ole Endresen over på kår som var 1 t. bygg og 1 t. havre årleg, og for til ei ku og 4 sauer, han delte no bruket sitt på 6 mællag mellom dei to sønene Ågne og Anders, og vi får dei to bruka som seinare vert kalla Hau-Ola-garden bnr. 1 og Fredrik-garden bnr. 3.

#### HAU-OLA-GARDEN bnr. I.

Ole Endresen Blindheim på bruk A. gav i 1766 frå seg bygselen over halve bruket til sonen

*Anders Olsen Blindheim* (f. 1745, d. 1770) g. 1766 m. Berte Eliasdtr. Aure frå Eliasgarden (f. 1745, d. 1813).

Br. 1766 - 1771.

Bygselsetel frå presten Nils Astrup i 1766 på 3 mællag. Anders døydd i ung alder. Buet hans i 1770 synte ei brutto eige på 208 rdl. Gjelden var 15 rdl. Han hadde ervt mykje av jordegodset som far hans hadde hatt. Dessutan er det nemnt eit sylvbeger merkt OES-BAD 1730, eit par sylvskeier, og dessutan ei sylvkanne som vart verdsett til 10 rdl.

Enkja Berte Eliasdtr. dreiv garden eit års tid. Ho gifte seg att i 1771 med

*Ole Anderssen Blindheim* (f. på Klokkehaug 1738, d. 1810).

Br. 1771 - 1801.

Tunet har truleg namnet sitt etter Ole frå Klokkehaug, eller Haug. Hau-Ola-garden. Ole var lagrettemann. Han fekk bygselbrev i 1771 på 3 mællag frå sokneprest Nils Astrup. Buet etter Ole synte ei brutto eiga på 41 rdl. Gjelden var 9 rdl.

Sonen

*Anders Olsen Blindheim* (f. 1776, d. 1836) g.1. 1802 m. Anne Marta Larsdtr. Tjønes (f. 1780, d. 1816) g.2. 1817 m. Karen Otave Olsdtr. Straumgjerde (f. 1792, d. 1820) g.3. 1822 m. Berte Iverine Olsdtr. Tandstad (f. 1799, d. 1871).

Br. 1801-1836.

Anders Olsen Blindheim vert kalla den eldre til forskjell frå Anders Olsen i Larsgarden bnr. 6. Anders den eldre fekk først bygsel på Hau-Ola-bruket i 1801. I 1813 tok han også over den ledige bygselen i Fredrikgarden bnr. 3 etter lensmann Astrup. Anders Olsen dreiv såleis både Hau-Olagarden og Fredrikgarden til syster hans Tyri Olsdtr. g.m. Karl Fredrik Olsen Strømmegjerde tok over Fredrikgarden i slutten av 1820-åra. Anders Olsen var lagrettemann. Buet etter han i 1836 synte ei brutto eige på 239 spd. og ein gjeld på 143 spd. Enkja Berte Iverine Olsdtr. gifte seg att i 1839 m. enkjemann Torsten Størkersen Brunstad i Tøstengarden.

Eldste sonen til Anders Olsen tok over Hau-Ola-garden. Det var *Petter Olaus Anderssen Blindheim* (f. 1805, d. 1850) g. 1835 m. Karen Marie Knutsdtr. Vik (f. på Nysæter 1816, d. 1864).

Br. 1836 - 1851.

Petter Olaus løyste ut bruket og fekk kongeleg skøyte på det i 1836 for 220 spd. Kår til Berte Iverine Olsdtr. frå 1840. Den gamle skylda på Hau-Ola-bruket, 2 pd. 6 mrk. vart i 1838 endra til 2 dlr. 1 ort og 11 skl. Buskapen var i 1845: 1 hest, 7 kyr, 12 sauer og 4 geiter, og sånaelen var  $\frac{5}{8}$  t. bygg, 1 t. bl.korn, 3 t. havre og 1 t. poteter.

Då Petter Olaus døydde i 1850, var det stor gjeld på bruket. Enkja Karen Marie Knutsdtr. gifte seg att i 1851 med

*Ole Petter Iversen Tynes* (f. 1822, d. 1898) g.2. 1867 m. Karoline Knutsdtr. Almeskar (f. 1826, d. 1907) Karoline voks opp i Tusvik.

Br. 1851 - 1879.

Born: Jens Peter f. 1853 g. på bruket. Hans Jakob f. 1855, gbr. på Ramstad, g.m. Oline Ellingsdtr. Ramstad. Peter Nikolai Andreas f. 1857. Bernt Severin f. 1860, lærar i Søvikdal, g.m. Olave Petrine Olsdtr. Løset. Knut f. 1870, skreddar, d. 1892.

I 1865 vart plassen Ulvsbakken bnr. 2 utskild frå garden. I 1866 selde Ole Iversen Hau-Ola-garden til Bastian Martinussen Velle for 495 spd., og Ole vart sitjande på bygsel. Han fødte i 1875 1 hest, 6 kyr, 3 ungdyr, 38 sauer, 1 geit og 1 gris. Sånaden var  $\frac{1}{2}$  t. bygg, 7 t. havre og 2 t. poteter.

Ole Peter Iversen og kona gjekk over på kår i 1879 og let bruket over til sonen

*Jens Petter Olsen Blindheim* (f. 1853, d. 1924) g. 1877 m. Johanne Olsdtr. Løset, Søvikdal, (f. 1855, d. 1934).

Br. 1879 - 1909.

Born: Ole Petter f. 1881. Utvs. nr. 165. G. på bruket. Karl f. 1884. Utvs. nr. 163. Bastian f. 1887. Utvs. nr. 162 Peter Tomas f. 1890. Utvs. nr. 106. Knut f. 1893. Utvs. nr. 164.

Jens Petter Olsen fekk byggesetel i 1879 frå Bastian Martinussen Velle. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda på bruket, 2 dlr. 16 skl., revidert til 3,57 skyldmark. Jens Petter var utlærd smed. Ved sida av å drive garden arbeidde Jens Petter også i mange år på Schmidt-fabrikken på Blindheim. Han måtte amputere ein fot i seinare leveår.

Sonen

*Ole Petter Jenssen Blindheim* (f. 1881, d. 1963) g. 1909 m. Iverine Olsdr. Vik frå Heljegarden (f. 1889, d. 1947).

Br. 1909- -1946.

Born: Johan f. 1910. Utvs. nr. 180. Ole Bernhard f. 1912. Ulvs. nr. 185. Julie Jensine f. 1915, d. 1935. Berte Kristine f. 1918, g. på bruket.

Ole Petter reiste til USA i 1900. Han kom heim i 1905, og løyste ut garden av ervingane etter Bastian Martinussen Velle i 1909 for 4000 kroner. Ole Petter la ned mykje arbeid på garden, braut ca. 33 mål jord, bygde ny løe, sommarfjøs, sel og naust. Dessutan bygde han på stova.

Versonen

*Kjell Walderhaug Grebstad* frå Kapralgarden på Aure f. 1911 g. 1946 m. Berta Olsdr. Blindheim f. 1918.

Br. frå 1946.

Born: Ståle Audun f. 1947. Ola Inge f. 1953. Bjarte f. 1957.

Kjell Orestad fekk skøyte på bruket i 1948. Han har bygt på og modernisert stovehuset, dessutan har han frå 1964 bygt fleire campinghytter på Sjøbakken vest for tunet. I 1964 bygde Mobil Oil ein bensinstasjon med verkstad på bruket, og Kjell Grebstad er styrar for denne stasjonen.

ULVSBKKN (PE-OLA-PLASSEN) bnr. 2.

Utskild frå Hau-Ola-bruket bnr. 2 i 1866 med skyld 19 skl., rev. 1890 til 0,29 mark.

Første brukaren var

*Ole Pedersen Grebstad* (sjå Pegarden bnr. 10) (f. i Stryn ca. 1822, d. 1901) g. 1846 m. Marte Oline Olsdr. Lyshol frå Øvst-husa bnr. 1 (f. 1818, d. 1909).

Br. ca. 1849 - 1898.

Born: Peter f. 1844. Uts. nr. 186. Ole Andreas f. 1847. Uts. nr. 184. Anne Pernille f. 1849. Uts. nr. 174. Karoline f. 1853. Uts. nr. 178. Anne *Fredrikke* f. 1857. Uts. nr. 175. Lars Andreas f. 1861, g.m. Anne Olsdtr. Drotninghaug, busett Einane, Straumgjerde bnr. 7.

Ole Pedersen bygsla denne plassen ca. 1849. I 1864 var plassen på 2 mål dyrka jord og 6 mål naturleg england. Buskapen var då 1 ku og 4 småfe. I 1875 var buskapen 3 kyr og 4 geiter, og sånaden 1½ t. havre og 2 t. poteter. Ole sette opp hus på plassen. Stova og løa var under eitt tak, og kyrne var i kjellaren under stova. Ofte var det vanskeleg å få foret til å strekke til, og om våren kunne det vere tungt å få dyra på beina. Då var det alltid dvergen som fekk skulda for å ha slege dei ned. Ole var kambmakar. Han laga også hornskeier. Det var smått med Ole og Marte Oline, serleg på deira gamle dagar. Då Ole døydde i 1901, heitte det at enkja hadde ingen ting å leve av, og skulle flytte til sonen Lars Olsen i Straumgjerde.

Pe-Ola-plassen hadde same eigar som Hau-Ola-garden til 1866 då Knut Pettersen Blindheim f. 1842, son til Petter Anderssen, fekk utlagd plassen som sin eigedom i skiftet etter mor si, Karen Marie Knutsdtr. Blindheim i Hau-Ola-garden. Men det var pantegjeld på plassen som gjekk over til Bastian Martinussen Velle. I 1891 gav han skøyte på Pe-Ola-plassen for 150 kroner til sonen sin verson, fylkesskulestyrar B. Weiberg-Aurdal.

Då den gamle brukaren på plassen, Ole Pedersen Blindheim, sa opp bygselen, kom det nye folk til Ulvsbakken. Det var

*Karl Martinussen Brunstad* frå Rabben (f. 1870, d. 1941) g.1. 1894 m. Olave Pettersdtr. Midtgård frå Hansgarden (f. 1869, d. 1917) g.2. 1920 m. Anna Knutsdr. Riksheim frå Teigen (f. 1885, d. 1960).

Br. 1898 - 1958.

Born i 1. ekteskap: Martinus (f. 1897, d. 1939). Amandus (f. 1898, d. 1957). Uts. nr. 171. Petter (f. 1901, d. 1928). Fiskar. Kristian f. 1903, g.m. Karen Barstad frå Vartdal. Gbr. på Aurdal, bnr. 10. Sofie f. 1905 g. 1931 m. Ansgar Slagnes, Langevåg. Karen (f. 1907, d. 1929). Karl f. 1909. Uts. nr. 172.

Born i 2. ekteskap: Olave f. 1921. Knut f. 1923. Inge f. 1926. Petter f. 1928 g.m. Minna Lie (Nyborg). Sjå Tjønes bnr. 21.

Karl Martinussen bygsla denne plassen i 1898. Han dreiv elles med

litt skomakering, og om vintrane dreiv han torskefiske. I lang tid arbeidde han på Schmidt-fabrikken på Blindheim. I seinare år var han vegvaktar. Plassen skifte eigar i Karl si brukstid. B. Weiberg-Aurdal selde i 1909 til fabrikkeigar H. Schmidt for 1000 kroner med atterhald om bygslerett for Karl Martinussen. I 1946 gav H. Schmidt skøyte på plassen til sønene sine Henrik og Harald Schmidt.

Son til Karl Martinussen

*Knut Karlsen Blindheim* f. 1923 fekk oreigningsløyve på plassen i 1958. Eigarane sette seg mot oreigninga, men både heradsretten og lagmannsretten stadfeste oreigningsløyvet, og Knut Karlsen Blindheim løyste inn plassen etter takst 18.500 kroner. Han forar no 1 ku og 8 - 10 sauer. Elles arbeider Knut Blindheim på møbelfabrikk. Han sette opp nytt stovehus på Ulvsbakken i 1960 saman med bror sin Inge Karlsen Blindheim f. 1926. Dei eig no Ulvsbakken .

FREDRIKGARDEN bnr. 3,

Ole Endresen Blindheim på bruk A gav i 1758 frå seg bygselen over halve bruket til sonen

*Ågne Olsen Blindheim* (f. 1739, d. 1793) g. 1759 m. Berte Olsdtr Riksheim (f. 1736, d. 1811).

Br. 1758 - 1795.

Bygselsetel frå presten Hans Jakob Hiort i 1758 på 3 mællag. Ågne var lagrettemann. I 1783 kom han i kast med lensmann Jetmund Glomset som var i ferd med å krevje inn fisketiende. Han hadde vore m. a. på Blindheim, og hadde fått ei ort av Ågne si kone, då Ågne kom til stades. Han var «noe beskjenket» og byrja å skjelle lensmannen ut og sa at kunne ikkje lensmannen syne ordre frå høgrestyremakter, heldt Ågne han for ein landstrippar, og alt det lensmannen tok over 8 skilling i fisketiende, stakk han i si eiga lomme. Lensmannen melde Ågne for skuldingane, og det kom til semje mellom dei. Men futen tok saka opp att «da den var av en slig beskaffenhet at bøder maate tilflyde det offentlige». Ågne vart då dømd til å bøte med 2 rdl. til den Nordenfjeldske Vegkasse. I 1776 skaut Ågne ein ulv i bømarka til Blindheim, og i 1780 skaut han 2 bjørnar og ein ulv. Skiftet etter Ågne i 1793 synte ei brutto eige på 215 rdl. Gjelden var 15 rdl.

Enkja Berte Olsdtr. gifte seg att 1790 med Mons Johannessen Korsedal f. ca. 1851, og fekk kår av

*Peder Christian Astrup* (f. ca. 1758, d. 1826) g. 1793 m. *Petrine Severine Olsdtr. Honningdal* (f. ca. 1765, d. 1822).

Br. 1795 - 1813.

Peder Christian var son til soknepresten i Ørskog, Nils Astrup, og vart lensmann i Valle skipreie 1791. I 1795 fekk han byggesetel frå bror sin, sokneprest Nils Astrup, på 2 pd. 6 mrk. i Blindheim, og flytte då inn på Fredrikbruket. Same året bygde han stort stovehus som i åra som fylgde vart nytta til tingstove for skipreiet. Stova var «5 lafter Furitømmer med gulv og loft av brædder», med sperreverks tak tekt med torv, 24 alner lang, 17 alner brei og 20 alner høg utvendig. I første høgda var ei stor stove med to fag vindauger, ei daglegstove med to fag vindauger og ein «vindomn» i to høgder. Ved sida av var eit sovekammers med eitt fag vindauger, dessutan kjøken med skorstein og to fag vindauger, og spiskammers med eitt fag vindauger. I 2. høgda var det eit rom over storstova med 3 fag vindauger, og eit rom over daglegstova med 3 fag. Vidare var det eit rom ved sida av «salen» over nystova med eitt fag vindauger, og så eit stort rom over kjøkenet med eit fag og eit lite vindauger. Over 2. høgda var eit loftsrom like langt og breitt som huset, og med to små vindauger. Bygninga var bordkledd utvendes på tre sider, og raudmåla. Under nordenden av huset var ein kjellar på same storleik som storstova. I alle rom var det fyllingsdører. Huset vart i 1800 taksert for 800 rdl. og meldt inn i Brandkassa. Fire eidsvorne lagrettemenn var med i takstnemnda: Ole Larssen Velle i Karigarden, kunnig i tømmerarbeid. Elias Anderssen Brunstad, f. i Hau-Ola-garden på Blindheim, kunnig i snikkararbeid, Tormod Karlsen Aurdal i Tormodgarden, kunnig i smedarbeid, og Knut Knutsen Aure i Knutgarden, kunnig i murarbeid. Etfer tradisjonen stod dette huset like nord for det noverande stovehuset i Hau-Ola-garden, og det vart kalla Låna. Det er ikkje kjent kvar det vart av dette store huset i to høgder, men mest truleg er det blitt heilt eller delvis rive og selt, for lensmannen hadde ikkje born etter seg. Peder Astrup var lenge sjuk rundt 1800-års skiftet, men det ser ut til at han sat med garden til 1813. I 1802 fødte han 1 hest, 8 kyr og 23 småfe. Sånaden var ½ t. bygg, ½ t. bl.korn, og 3 t. havre. Sjølve bruket vart då verdsett til 160 rdl. 1 skiftet etter lensmann Astrup i

1826 synte buet ei brutto eige på 945 spd. Gjelden var 740 spd.

Etter lensmann Astrup kom

*Anders Olsen Blindheim d.e.* (f. 1776, d. 1836). Han budde i Hau-Ola-garden og dreiv baa bruka. Sjå om han under bnr. 1,

Syster til Anders Olsen og mannen hennar tok i slutten av 1820-åra over Fredrikbruket.

*Karl Fredrik Olsen Strømmegjerde* (f. 1794, d. 1849) g. 1824 m. Tyri Olsdtr. Blindheim (f. 1786, d. 1855).

Br. ca. 1825 - 1851.

Born: Oline f. 1819 g.1. 1842 m. Lars Petter Toresen Brunstad (bnr. 6) g.2. 1855 m. Magnus Jonsen Gjøvenes (Brunstad-Magnus). Ole Johan f. 1824 g. på bruket. Berte Olave f. 1826 g.m. Lars Bastiansen Aure i Pihlgarden.

Karl Fredrik hadde gått underoffiserskule i Bergen og var sersjant. Etter jordskiftet av innmark på Blindheim i 1833, løyste Karl Fredrik ut bruket for 220 spd. og vart dermed sjølveigar med kongeleg skøyte på garden. Fredriksgarden har fått namnet sitt etter han. Han flytte stova og låa frå gamletunet og tufta det nye Fredriktunet eit stykke lenger mot sør.

Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 2 pd. 6 mrk., endra til 2 dlr. 1 ort og 11 skl. I 1845 fødde han 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var  $\frac{5}{8}$  t. havre, 1 t. bl. korn, 3 t. havre og 1 t. poteter.

Enkja Tyri Olsdtr. sat med bruket eit par år til sonen tok over. Det var

*Ole Johan Karlsen Blindheim* (f. 1824, d. 1881) g. 1849 m. Karen Marie Pedersdtr. Vik. frå Heljegarden (f. 1829, d. 1909).

Br. 1851 — 1870.

Born: Karoline Tomasine f. 1850 g. på bruket. Petrine f. 1859 g.m. Bernt Knutsen Klokkehaug. Sjå Grebstad bnr. 6. Ivrine f. 1867, d. 1921. Ho hadde dottera Karen Petrine f. 1911. Utvs. nr. 167.

Ole Johan Karlsen fekk heimelsdokument på bruket i 1851 for 224 spd. I 1875 fødde han 1 hest, 8 kyr, 4 ungfe, 21 sauer, 4 geiter og 2 grisar. Sånaden var 4 t. bl.korn, 5 t. havre og  $3\frac{1}{2}$  t. poteter. Han sette opp stabbur på bruket, og utmarksløe på Skålholten. Elles dreiv han både torskefiske og sildefiske i mange år. I seinare år sysla han mykje med heimefiske etter kveite nord ved Hesseberg.



#### Versonen

*Ole Andreas Pettersen Tynes* frå Larsgarden (f. 1847, d. 1925) g. 1868 m. *Karoline Tomasine Olsdr. Blindheim* (f. 1850, d. 1914).

Br. 1870 - 1905.

Born: *Oline* f. 1870 g.m. *Lauritz Gamlem, Gamlem*. *Karl Fredrik* f. 1871 g. på bruket. *Karen Marie* f. 1874. Utvs. nr. 177. *Olave* f. 1883. Utvs. nr. 179. *Petter* f. 1885. Utvs. nr. 187.



*Avlshingsten Haakon 883 var fødd hjå Ole Andreas Blindheim i Fredrikgarden. Det vart ein vidgjeten hest som fekk mykje å seie for heste-alet i Sykkylven. Haakon hadde mange fôrvertar. Her er hesten fotografert med ein av dei, Peter Severin Fet i Nilsgarden. Han fôra Haakon i 5 år.*

Ole Andreas Pettersen fekk skøyte på bruket i 1870 for 750 spd. Han bygde ny løe, nytt naust, sette opp sel på Øvstestølen, og flytte og bygde ny høyløe på Skålholten. Elles dreiv han torskefiske i mange år, sidan heimefiske i fjorden. Han sysla også med garnbøting. Ole Andreas var interessert i skogplanting, og var visstnok den første som planta gran i utmarka til Blindheim. I 1902 hadde han 2. premimerra «Lina» som det året fekk eit fø1. Det fekk namnet «Haakon». Karolus

Eidem og Petter J. Fauske kjøpte seinare denne unghesten som vart ein av dei mest kjende og aller beste alshingstar i denne rasen. «Haakon» 283 fekk 3. premi på Molde i 1907, men på jubileumsutstillinga i Oslo same året fekk han berre godkjenning. Utstillarane Petter og Lars K. P. Fauske hadde nær selt hesten til ein godseigar på Austlandet. Men då nokre hesteinteresserte karar i Sykkylven hadde tala frampå om at «Haakon» skulle ha vore i Sykkylven, telefonerte utstillarane heim til Andreas Aure (Pihl-Andreas) som med fleire andre gjekk i gang med å tinge partar og skipe Sørkeven Hingstelag. Dette laget kjøpte «Haakon» i 1907 for 1.200 kroner. I 1913 fekk hesten 2. premi, og i 1920 fekk han 1. premi for avkomet sitt. I 20 år var «Haakon» stasdyret i Sykkylven, og skyssa mangt eit brudepar til kyrkja. Og det høyrde liksom med til minstekravet i denne tida at alle menn måtte vite at «anjan» var fødd hjå han Fredrik-Ole.

Son til Ole Johan Pettersen tok over bruket etter han. Det var

*Karl Fredrik Olsen Blindheim* (f. 1871, d. 1954) g. 1901 m. Marie Oldstr. Drotninghaug frå Bødagarden (f. 1877, d. 1965).

Br. 1905 - 1942.

Born: Oluf Konrad f. 1903, d. 1937. Alfred Sigurd f. 1903. Utvs. nr. 170. Hjalmar f. 1905 g. på bruket. Karoline f. 1907 g.m. arkitekt Knut Reistad, Oslo.

Karl Fredrik Olsen reiste til USA i 1892. Utvs. nr. 181. Då han kom heim i 1901, tok han etter kvart over bruket som han fekk skøyte på i 1905. Han bygde nytt stovehus (murstein) og braut ein heil del jord. I 1920 flytte han selet frå Øvstestølen til Nedste-stølen på Skålholten. Elles var han svært interessert i hesteal, og kjend som ein kløktig «hestedøktar» i bygda. Han planta ein del skog. Medl. i heradstyre og skulestyre.

Sonen

*Hjalmar Karlsen Blindheim* f. 1905, g. 1936 m. Aslaug Nathalie Roald frå Jangarden (Aure bnr. 11) f. 1911.

Br. 1942 -

Born: Jorunn Klara f. 1937 g. 1957 m. Frank Johnsrud frå Son. Marie Helene f. 1938. Turid Ingeborg f. 1944 g. 1970 m. Bjørn Johannesen frå Oslo. Buset Ulvøya. Karl Fredrik f. 1947 g. 1972 m. Solveig Oskarsdtr. Furnes f. 1954. Odd Jahn f. 1949, radarteknikar.

Hjalmar Blindheim har gått underoffiserskulen i Trondheim og handelsgymnas i Ålesund. Han hadde kontorarbeid m. a. i Ålesund

før han tok over Fredriksgården under siste verdenskrigen. Skøyte frå 1942. Kår til foreldra. Han har dyrka ein del jord, og skipa til kulturbeite i Langemyra etter makeskifte med Sverre O. Tynes. Elles har Hjalmar Blindheim drive med både grønsakdyrking, fruktdyrking, (ca. 50 plommetre), og han har også hatt høns og bygt hønsehus. Under krigen i 1940 var han med som sersjant i kapt. Gran sitt kompani. Dei stasjonerte på Lesja. Hjalmar Blindheim driv no bruket saman med sonen

*Karl Fredrik Hjalmar Blindheim* f. 1947 g. 1972 m. Solveig Oskarsdtr. Furnes (bnr. 1) f. 1954. Karl Fredrik arbeider i industrien.

Barn: Monika f. 1972.

#### ERIKGÅRDEN bnr. 4.

*Knut Pedersen Blindheim*, br. 15.- ca. 1620. I 1611 vart han utkommandert til Kalmarkrigen, men Knut var nok komen opp i åra, og han lèt sonen

*Ingebrigt Knutsen Blindheim* gå i sin stad. Ingebrigt tok over bruket på 3 mællag etter faren, og sat som brukar frå ca. 1620 til ca. 1650.

*Knut*, br. ca. 1650 - ca. 1664. Han la kvegskatt i 1658 av 1 hest, 7 kyr, 5 geiter og 6 sauer.

*Ole Ingebrigtsen* var 26 år i 1666, heiter det i folketeljinga, og hadde då m.a. sonen Ingebrigt som var 8 år. Truleg er det oppgitt feil alder på bae. Dei må helst vere eldre. Ole sat som brukar frå ca. 1664 til ca. 1680, sidan nokre år saman med sonen

*Ingebrigt Olsen Blindheim* som var 55 år i 1701 og døydd i 170

#### 7. Gift med Gunnhild Nilsdtr. (f. ca. 1652, d. 1721).

Br. ca. 1680 - 1707.

I 1693 melde Ole Ingebrigtsen og Ingebrigt ein mann på Kjønes for å ha teke tjøreved ved «Blindem tjæreild». Bae partar møtte i retten, og domen gjekk ut på at «såsom det av Vaade er skeed en Skade», skulle mannen på Tjønes betale 8 tønner tjøre til Ole og Ingebrigt, som på si side skulle betale Tjønesmannen for 4 tomtønner. Enkja Gunnhild Nilsdtr. gifte seg att med

*Ole Knutsen Lade* frå Jetmundgården (f. ca. 1678, d. 1721),

Br. 1707 - 1721.

Styksonen

*Ole Ingebrigtsen Blindheim* (f. ca. 1687, d. 1772) g. 1722 m. Siri Jetmundsdr., d. 1771, 84 år gamal.

Br. 1721 - 1745.

Etter Ole kom

*Ole Knutsen Lade* (f. 1722, d. 1751) g. 1746 m. Guri Ellingsdr. Lyshol (f. ca. 1706, d. 1777).

Br. 1745 - 1752.

Ole Knutsen er frå Jetmundgarden på Lade og brorson til den Ole Knutsen som døydde i 1721. Denne yngste Ole Knutsen fekk bygselsetel i 1745 på 3 mællag frå presten Hans Jakob Hiort.

Enkja Guri Ellingsdr. gifte seg att 1752 med

*Erik Eriksen Stokke*, frå Sunnylvn (f. 1725, d. 1809) g.2, 1778 m. Ragnhild Pedersdr. Brunstad (f. 1731, d. 1808).

Br. 1752-1785.

Bygselsetel i 1752 på 3 mællag frå presten Hiort. Erik var lagrettemann. I skiftet etter Erik og Ragnhild i 1809 syntte buet ei brutto eige på 41 rdl. Gjelden var 10 rdl.

Etter Erik kom

*Erik Jokumsen Kaldhssæter* (f. 1755, d. 1829) g. 1785 m. Berte Olsdr. Lade frå Olagarden (f. 1749, d. 1830).

Br. 1785 - 1817.

Erik Jokumsen var brorson til føremannen Erik Eriksen, og Berte Olsdr. var systerdotter til Guri Ellingsdr. Bygselsetel i 1784 frå presten Nils Astrup på 2 pd. 6 mrk. Kår til Erik og Ragnhild. Erikbruket vart i 1802 verdsett til 160 rdl.

Sonen

*Joakim Eriksen Blindheim* (f. 1795, d. 1849) g. 1818 m. Mads Tormodsdr. Aurdal frå Tormodgarden (f. 1794, d. 1881).

Br. 1817 - 1852.

Bygselsetel frå presten Kielstrup i 1817 på 2 pd. 6 mrk. Kår til Erik og Berte. I 1833 var det jordskifte av innmarka på Blindheim. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart skylda på 2 pd. 6 mrk. endra til 2 dlr. 1 ort og 11 skl. I 1845 fødde dei på bruket 2 hestar, 7 kyr, 12 sauer, 4 geiter og 1 gris. I 1847 løyste Joakim ut bruket og fekk kongeleg skøyte for 300 spd. Ein dag i 1849 var han med til Hesseberg med not. Han gleid då på eit svaberg og slo seg i hovudet. Dette vart banen hans.

Etter Joakim kom

*Mads Andreas Knutsen Vik* frå Heljegarden bnr. 1 (f. 1809, d. 1895) g. 1848 m. Marte Johanne Nilsdr. Fauskehagen frå IndreFauske bnr.9

(f. 1822, d. 1864). Ho var syskenbarnet til «gamlekona» på bruket, Mads Tormodsdtr.

Br. 1852 - 1872.

Born: Elias f. 1849 g. på bruket. Nikoline f. 1853, g.m. lærar og lensmann Arne Grønningsæter. Jens *Bastian* f. 1858, d. 1879. Berte f. 1860, g.m. lærar Peter Strøm, bustad Ålgård.

Mads vert kalla smedmeister i 1844. Han kjøpte det året Sjursgarden på Vik, men selde i 1856. I 1852 kjøpte han Erikbruket av enkja Mads Tormodsdtr. for 300 spd. og kår. Erikbruket hadde i 1864 25 mål dyrka jord og 88 mål naturleg england. Buskapen var 1 hest, 10 kyr, 14 sauer og 8 geiter. Sånaden ½ t. bygg, 3 t. bl.korn, 4 t. havre og 2½ t. poteter.

Sonen

*Elias Madssen Blindheim* (f. 1849, d. 1925) g. 1872 m. Johanne Marie Berntsdtr. Lyshol frå Pegarden bnr. 5 (f. 1851, d. 1936).

Br. 1872 - 1904.

Born: Bernt f. 1874 g. på bruket. Marte f. 1876. Utvs. nr. 157. Bastian f. 1880, lærar, g.m. Karoline Jensdtr. Drotninghaug. Sjø Riksheim bnr. 19. Karl Johan f. 1888, g.m. Jenny Jensdtr. Drotninghaug. Sjø Blindheim bnr. 26.

Elias Madssen fekk skøyte på Erikbruket frå far sin i 1872 for 650 spd. Både Mads Knutsen og gamlekona på bruket, Mads Tormodsdtr. skulle ha kår. Elias flytte stovehuset frå gamletomta og sette opp nytt hus i 1869 ca. 50 meter lenger sør. I 1875 fødte Elias 1 hest, 5 kyr, 2 ungf, 11 sauer, 4 geiter og 1 gris. Dessutan fødte han for Mads 2 kyr, 3 sauer og 1 geit, og for Mads 1 ku og 4 geiter. I 1888 vart plassen Nyhagen bnr. utskild frå Erikbruket som hadde att ei skyld på 2 dlr. og 1 skl., rev. 1890 til 3,70 mark.

Sonen

*Bernt Eliassen Blindheim* (f. 1874, d. 1945) g. 1903 m. Inger Berntsdtr. Haugset frå Reitegarden bnr. 1 (f. 1875, d. 1926).

Br. 1904 - 1932.

Born: Elias f. 1904, d. 1911. Tordis f. 1905 g. på bruket. Borghild f. 1908 g.m. Anton Andreassen Vik f. Velle. Sjø Vik bnr. 19. Elias f. 1912. Fabrikkarbeidar.

Bernt Eliassen fekk skøyte på Erikbruket frå far sin i 1904 for 3000 kroner og kår. Bernt la ned eit stort arbeid på bruket og dyrka opp mykje nyland, t.d. Storegjerdet og flata på Ulvsbakken, i alt ca. 25 mål. Han køyrde også bort ei mengd med steingardar etter den gamle

geila som gjekk frå tunet til utmarka, og rudde og pløgde opp gamalt england. Elles dreiv han både sildefiske og torskefiske, og stasjonerte då på Vigra (Roald og Rørvik). Han arbeidde også i fleire år hjå Schmidt.

Versonen

*Peter Ludviksen* frå Riksheim, Grøngøta, (f. 1891, d. 1974) g. 1931 m. Tordis Berntsdtr. Blindheim f. 1905.

Br. 1932 - 1964.

Born: Inger f. 1932 g.m. styrmann Bjørn Olsen Drabløs frå Ålesund. Sjø Blindheim bnr. 24. Bernt f. 1938 g. på bruket. Leif Bjarne f. 1943 g.m. Kirsti Maude frå Stranda.

Peter Ludviksen var to gonger i USA. Utvs. nr. 777. Han var i Frankrike som amerikansk soldat under førre verdskrig, og fekk krigspensjon frå USA frå 1954. I 1932 tok han over Erikbruket, og fekk skøyte i 1937. I 1938 bygde han ny løe. Elles har han dyrka ein del jord, pløgt opp gamal voll og vølt stovehuset. I 1946 vart han skadd i ryggen då han skulle hente eit truskeverk på Tjønes. I ein bratt tunveg gjorde merra eit bråkast. Peter Ludviksen kom under hjula og vart ille tilreidd. Han måtte på sjukehus der han vart liggjande i gibsbandasje i fleire månader. Han var ikkje fullt arbeidsfør etter denne hendinga. Verbror hans, Elias Berntsen Blindheim, har butt i Erikgården og vore til mykje hjelp i gardsarbeidet. Han arbeider elles i møbelindustrien.

Son til Tordis og Peter Ludviksen

*Bernt Ludviksen* f. 1938 g. 1963 m. Annlaug Pedersdtr. Ramsvik frå Miøy, Vatne, f. 1942.

Br. frå 1964.

Born: Per Bjarte f. 1964. Tore Peter f. 1965.

Bernt Ludviksen bygde nytt stovehus i 1966. Ved sida av gardsarbeidet driv han bygningsarbeid,

NYHAGEN bnr. 5 (Simenplassen).

Utsk. frå Eriksbruket bnr. 4 i 1888 med skyld 1 ort 12 skl. rev. 1890 til 0,52 Mark.

Første brukaren på plassen var

*Simen Jonsen Tryggeset* (Sjø løpenr. 228 under Klokkehaug bnr. 3) (f. ca. 3826, d. 1897) g. 1853 m. Lovise Iversdtr. Tandstad (f. 1820, d. 1895).

Br. 1852 - 1889.

Born: Jens Peter f. 1851 g.m. Anna Berntsdr. Erstad. Budde på Sætre bnr. 5. Johanne f. 1858 g. på plassen. (Utv. nr. 191). Iver f. 1800, lærar ved Gjesdal, g.m. Severine Johannesdr. Tynes.

Simen Jonsen voks opp på Klokkehaug. Han kjøpte ei gamal stove i Stordal og flytte henne til Simenplassen. Høyløa var i eine enden, og stova i hin. Fjosen var i kjellaren. I 1875 fødte han 1 ku, 3 sauer og 7 geiter. Sånaden var ¼ t. bl.korn, 1 t. havre og 2 t. poteter, ved sida av arbeidet med plassen dreiv Simen fiske. Om somrane hadde han lakseverpe i Haubukta.

Versonen

*Elling Svendsen Ullavik* (Sjå også Aure bnr. 16) (f. 1859 d. 1893) g.m. Johanne Simensdr. Blindheim (f. 1858, d. 1905).

Br. 1889 - 1905.

Born: Helene f. 1885 g. på plassen. Svein f. 1888. Utvs. nr. 161. Sofie f. 1891. Utvs. nr. 160. Emilie f. 1893 (Utv. nr. 159) g.m. Lauritz Jenssen Strømmegjerde. Utvs. nr. 847.

Elling og Johanne vart gifte i USA. Sjå Utvs. nr. 132 og 191. Han vart sjuk der borte, og døydde nokre år etter at han var komen heim. I 1889 løyste han ut Simenplassen av Elias Madssen Blindheim i Eriksgarden for 1000 kroner. Han vølte også stovehuset og bygde til eit stoverom og to kammers. Enkja Johanne Simensdr. sat med plassen så lenge ho levde.

Versonen

*Karolus Nyhagen* f. 1890, (son til Jens Karolussen Tandstad) g. 1911 m. Helene Ellingsdr. Ullavik (f. 1885).

Br. frå 1905.

Born; Johanne f. 1912 g. 1937 m. skreddar Johan Bringsvor frå Sandshamn. Bustad Ålesund. Einar f. 1915. Murarbeidar. Karoline f. 1918. Svanhild f. 1924 g.m. styrmann Rolf Telstad, Ålesund. Sjå bnr. 94.

Helene Ellingsdr. dreiv plassen aleine til 1911 då ho vart gift med Karolus Nyhagen. Han hadde gått kurs i rosemåling i 1904, men byrja seinare på fabrikk hjå H. Schmidt. I 1907 tok han til som lærling i murarfaget, og var då m. a. med å setje opp det første sjukehusbygget på Oppdøl. Etter at læretida på 3 år var omme, arbeidde han først i mange år i Ålesund, seinare dreiv han murararbeid både i Ålesund og i Sykkylven og andre bygder. Han sette opp svært mange bustadhus, skular og fabrikkar, og var kjend som ein dugande arbeidsmann. Simenplassen dyrka han godt opp. Han bygde ny løe i 1918, og nytt stovehus 1930,

dessutan fjøs på Skålholten og i heimehamna, og nytt naust i 1965.

Etter Karolus kom

*Einar Karolussen Nyhagen* f. 1915

og

*Karoline Karolusdtr. Nyhagen* f. 1918.

Dei brukar no plassen.

#### LARSGARDEN bnr. 6.

*Peder Olsen* br. ca. 1620 - 1550. Han bygsla 3 mællag. I 1635 var det mange i Sykkylven som fekk bot for «nogen ringe Forseelse udi Korntienden», og mellom dei var Peder Olsen som måtte bøte med 2 rdl. Peder var gift og hadde ein son og ei dotter i 1645.

*Ole Olsen Blindheim* var 40 år i 1666.

Br. ca. 1650 - 1695.

Han brukte 3 mællag, og skatta i 1658 av 1 hest, 5 kyr, 4 geiter og 2 sauer.

*Lars Olsen Blindheim* (f. ca. 1668, d. 1739) g.l. m. *Anne Olsdtr.* (f. ca. 1677, d. på barsel 1724) g.2. 1725 m. enkje *Kari Olsdtr.* Lade i Jogarden bnr. 4 (f. ca. 1662, d. 1740).

Br. 1695 - 1731.

Byggselsetel på 3 mællag i 1695 frå presten Truls Krogh. Lars Olsen var lagrettemann frå 1717. I 1728 vart Lars og grannen Ole Ingebrigtsen i Eriksgarden melde av presten Hans Jakob Hiort i Ørskog fordi dei ikkje hadde betalt bygselavgifta av kyrkjegodset dei brukte, og heller ikkje gjort pliktarbeidet siste åra. Lars og Ole hevda at dei hadde gjort opp skyldnaden sin med major Rømer som no var kyrkjeieigar, og dette stadfeste majoren. I skiftet etter Anne Olsdtr. i 1724 synte buet ei eige på 88 rdl. Her er m.a. nemnt 2 færingar, 4 torskegarn og annan fiskereiskap, så det er tydeleg at Lars har sysla med fiske.

Sonen

*Ole Larssen Blindheim* (f. ca. 1704, d. 1761) g. 1736 m. *Gunnhild Larsdtr.* Lade (f. ca. 1707, d. 1780).

Br. 1731 - 1762.

Bygselbrev i 1731 på 3 mællag frå presten Hans Jakob Hiort. Ole Larssen var lagrettemann.



#### Sonen

*Lars Olsen Blindheim* (f. 1738, d. 1794) g. 1763 m. Ågot Pedersdtr. Indre Ikornnes (f. 1734, d. etter 1801). Lars fekk bygselsetel på 3 mællag i 1762 av «Ørskog Præstebol beneficerte Jordegods», og sat som brukar til 1788. Han var lagrettemann.

#### Sonen

*Ole Larssen Blindheim* (f. 1767, d. 1813) g.l. 1793 m. Berte Larsdtr. Lyshol (f. 1761, d. 1809) g.2, 1811 m. Anne Olsdtr. Velle frå Jakobgarden (f. 1783).

Br. 1788 - 1813.

Bygselsetel i 1788 frå prost Nils Astrup på 2 pd. 6 mrk. Kår. Bruket vart i 1802 verdsett til 160 rdl,

Enkja Anne Olsdtr. gifte seg att i 1814 med

*Anders Olsen Melset* (f. 1788, d. 1843).

Br. 1813 - 1843.

Anders vart kalla den yngre til forskjell frå Anders Olsen i Hau-Ola-garden.

I 1833 var det jordskifte av innmarka på Blindheim. Ved den nye skyldseltinga i 1838 vart den gamle skylda, 2 pd. 6 mrk., endra til 2 dlr. 1 ort og 11 skl.

#### Sonen

*Ole Andreas Anderssen Blindheim* (f. 1818, d. 1875) g. 1840 m. Anne Johanne Larsdtr. Fet (f. 1823, d. 1897).

Br. 1843 - 1870.

Born: *Ole Andreas* f. 1840, g.m. Petrine Utgard. Sjå Utgard bnr. 3. Peder Johan f. 1843 g.m. Johanne Karoline Olsdtr. Eidem. Sjå Eidem bnr. 7. Anne Tommesine f. 1849, g.m. Bastian Blakstad. Sjå Blakstad bnr. 1. Lovise Petrine f. 1851, g. på bruket. Lars Andreas f. 1859. Utvs. nr. 182. Anne Karoline f. 1859 g.m. Severin Tynes. Sjå Tjønes bnr. 2.

Ole Anderssen tok over Larsgarden i 1843, og gav frå denne tida kår til mor si, Anne Olsdtr. Då det ikkje er nemnt skøyte på bruket, er det uvisst om det var Ole Anderssen eller far hans som løyste ut Larsgarden. Men i 1845 er i alle høve Ole sjølveigar. I 1847 la han av eiden til konstitusjonen og fekk stemmerett. Han fødde i 1845 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 4 geiter og 1 gris. Eit stykke ovafor den noverande brua på Blindheim, hadde Ole Andreas eit stampehus. Han kom bort på sjøen i 1875.

#### Versonen

*Ole Martinus Pedersen Blakstad* (f. 1847, d. 1912) g. 1869 m. Lovise Olsdtr. Blindheim (f. 1851, d. 1899).

Br. 1870 - 1896.

Born: Ole Peter f. 1870 g. på bruket. Anne Johanne f. 1873, g.m. Petter Bastian Strømsheim på Nymarka. Johanne f. 1877 g. 1902 m. byggmeister Jens Petter Strømsheim, Ålesund. Martin f. 1885, prost i Hinna, g.m. Solveig Valby Løvendal.

Ole Martinus, eller Martinus som han kalla seg, fekk skøyte i 1870 på Larsbruket med unnatak av halve stampehuset. Kår til foreldra. Martinus sysla som snikkar ved sida av gardsarbeidet. I 1871 vart dette bruket valt som ein av normalgardane i Sykkylven. Sjå «Sykk. i eldre tids I, s. 207. Martinus fødte i 1875 1 hest, 8 kyr, 18 sauer, 4 geiter og 2 grisar. Sånaden var 4 t. havre, 3 t. bl.korn, ½ t. bygg og 5½ t. poteter. Plassen «Reitebakken» bnr. 7 med skyld 1 ort og 15 skl. vart utskild frå Larsbruket i 1870. Resten av Larsbruket, 1 dlr. 4 ort og 20 skl. fekk ved den nye skyldsettinga i 1890 ei skyld på 3,63 mark.

Sonen

*Ole Peter Martinussen Blindheim* (f. 1870, d. 1947) g.l. 1895 m. Anna Petersdtr. Blakstad (f. 1870, d. 1902) g.2. 1905 m. Guri Karolusdtr. Velle frå Jogarden (f. 1872, d. 1926).

Br. 1896 - 1922.

Born i 1. ekteskap: Martinus f. 1896, g. på bruket. Petrine f. 1898 g.m. Lauritz Brusdal. Lovise (f. 1899, d. 1944). Petter f. 1901. Utvs. nr. 188.

Born i 2. ekteskap: Karolus f. 1906, cand.jur., handelslærer i Oslo, g.m. Else Midsem. Anna (f. 1908, d. 1931).

O. P. M. Blindheim fekk skøyte på Larsgarden i 1896. I den første tida brukte han garden saman med foreldra sine. Ved sida av gardsarbeidet var han sers interessert i kommunalt, sosialt og kulturelt arbeid. Han var medlem i kommunestyret i lang tid, direktør i Sykkylven Privatbank, ein av dei leiande i bondelags-arbeidet i bygda og distriktet, og elles talsmann for mange gode tiltak i bygda. O. P. M. Blindheim hadde gode talegaver og vart mykje nytta som foredragshaldar. I 1917 kom han med som medlem i det første styret til Sykkylven sogelag, og han har skrive fleire avsnitt av kultursoga «Sykkylven i eldre tid». Diverre var han i mange år plaga av sjukdom.

Sonen

*Martinus Olsen Blindheim* (f. 1896, d. 1955) g. 1934 m. *Emilie P. Visnes* frå Eide på Nordmøre, d. 1951.

Br. 1922 -1955.

Born: *Anna* f. 1934 g.m. *Ingar Gaustad*, Oslo. *Bodil* f. 1940 g.m. *Ivar Ellingsgård* frå Bolsøy.

*Martinus Olsen Blindheim* reiste til USA i 1923. Uts. nr. 183. Han røkta blårev ei tid der borte, og kom i 1927 heim til Norge med fleire blårevpar. Det gjekk ikkje bra med oppdrett, og både *Martinus* og fleire tapte pengar på tiltaket. Han sleit tungt økonomisk og fekk stor gjeld på garden. Men trass i dette makta han likevel å bygge ny og stor løe. Han bygde også sag ved Vikeelva, og dreiv sagarbeid. I seinare år var både han og kona plaga av sjukdom, men dei dreiv garden så lenge dei makta.

Dottera

*Anne Martinusdr.* f. 1934 g.m. *Ingar Gaustad* ervde *Larsbruket*. Dei flytte til Oslo. Fleire tomter og parsellar er no selde frå *Larsbruket*. Det som er att av heimebøen, har *Hjalmar Blindheim* slege og hausta siste somrane. Løa har vorte lager for ein møbelfabrikk, og i stovehuset er det leigebuarar.

#### REITEBAKKEN bnr. 7.

Utskild frå *Larsgarden* bnr. 6 i 1870 med skyld 1 ort og 15 skl., rev. 1890 til 0,59 mark.

Første brukaren var

*Hans Jakob Pedersen Brunstad* frå *Sølmongarden* bnr. 9 (f. 1823, d. 1854) g. 1851 m. *Petrine Olave Marie Sivertsdr.* *Tynes* frå *Syvergarden* (f. 1822, d. 1908).

Br. 1853 - 1856.

*Hans Jakob* fekk husmannssetel på *Reitebakken* i 1853 av *Ole Anderssen Blindheim* i *Larsgarden*. Men alt året etter kom *Hans Jakob* bort på sjøen. Enkja gifte seg att i 1856 med

*Peter Nikolai Petersen Aursnes* frå *Olegarden* bnr. 2 (f. 1829, d. 1908). Han hadde vore gift 1852 med *Johanne Olave Gundersdr.* *Ramstad* (f. 1818, d. 1855), og hadde med henne sonen *Petter Gunder* f. 1847, seinare busett på *Hole, Nakken* bnr. 12.

*Nikolai* og *Olave Sivertsdr.* sine born var: *Hans Petter* f. 1858. Uts. nr. 81. *Agnete Marie Pernille* f. 1862 g. på bruket.

*Nikolai* var inderst på *Ørsnes* før han kom til *Reitebakken*. Her var det berre utmark med skog og kratt. Under *Gimsdalshaugen* tok

Nikolai material til hus og saga plankane med hand ved Gimsdalsfossen. Ein nordfjording som heitte Nils Navelsaker hjelpte Nikolai med å bygge huset. For å skaffe nok fôr til ei ku måtte dei slå både i Høysetskreda under Borgundkollen og i Skålholtbrekka. Etter kvart som Nikolai fekk dyrke opp plassen, auka buskapen, og i 1875 fødde han 1 unghest, 3 kyr, 3 sauer, 3 geiter og 1 gris. Sånaden var 1 ½ t. bl.korn, 1½ havre og 2 t. poteter. Ved sida av gardsarbeidet dreiv Nikolai laksefiske og torskefiske. Ein vinter batt han to laksenøter med hand, og i 1901 reiste han til Gryllefjord og fiska laks. Han fekk ikkje selje laksen der nord, men måtte salte han. Sidan røykte han laksen i tørkarstova på Dynahaugen, og rodde til Ålesund og selde laksen der.

Versonen

*Rasmus Andreas Mikkelsen Engebø* frå Hornindal (f. 1854, d. 1935) g.1. 1882 m. Agnete Marie Pernille Nikolaisdr. Blindheim (f. 1862, d. 1897) g.2. 1898 m. Karoline Jensine Marie Jensdr. Riksheimgjerd (f. 1869, d. 1908) g.3. 1916 m. Petrine Pettersdr. Riksheim f. Stennes d. 1948. Ho var enkje etter Jakob K. Riksheim.

Br. 1889 - 1912.

Born i 1. ekteskap: Mathilde Gunelie f. 1884. Syerske. Olave Petrine f. 1885, d. 1939. Syerske. Nikolai Kornelius f. 1888 g. på bruket. Ole Andreas f. 1891. Utvs. nr. 190. Hansine Karoline f. 1894, d. 1904.

Born i 2. ekteskap: Anton Johan f. 1900 g.m. Rakel Volle, Ragna Klara f. 1903.

Rasmus Mikkelsen voks opp i Heljegarden på Vik som far hans åtte den tida. Første åra etter at Rasmus var gift, dreiv han bygningsarbeid i Lødingen. I 1889 fekk han byggesetel på Reitebakken av Anne Johanne Larsdr. Blindheim, enkja etter Ole Anderssen i Larsgarden. På auksjonen etter Anne i 1897 kjøpte Rasmus Mikkelsen plassen for 910 kroner. Halve kjøpesummen hadde han, men måtte låne resten. Ved sida av gardsarbeidet dreiv Rasmus som bygningsmann og snikkar. Såleis arbeidde han lenge hjå O. A. Devolds Sønner, først i Ålesund, sidan i Langevåg. I 1910 tok Rasmus til å emne på nytt stovehus, med hjelp av «amerikapengar» frå sonen

*Nikolai Kornelius Rasmussen Blindheim* f. 1888 g. 1915 m. Karoline Marie Severinsdr. Tynes frå Sjurgarden f. 1891.

Br. 1912 - 1956.

Born: Arne f. 1916 g. på bruket. Johanne f. 1918, g.m. Karl K. Blindheim. Sjø bnr. 35. Sigfred f. 1921 g. 1951 m. Marie Nilsen frå Hopen. Sjø bnr. 30. Haldis f. 1927 g.m. Otto Mikal Bakke. Sjø Blindheim bnr. 47. Ruth Perdy f. 1928, kontordame. Kårstein Norvald f. 1932 g. 1964 m. Else Krohn frå Åndalsnes. Han er tannlækjar. Vik bnr. 121.

Nikolai Rasmussen byrja i teneste som dreng på Fauske 14 år gamal, drog sidan til USA (Utv. nr. 189). Han kom heim i 1912, bygde ny løy i 1914, og dreiv bygningsarbeid ved sida av arbeidet på bruket. I 1923 reiste han på nytt til USA, og var der då i 3 år. Nikolai Rasmussen har lagt ned eit godt arbeid både på bruket sitt og som bygningsmann, og har vore kjend som ein svært dugande arbeidsmann.

Sonen

Arne Nikolaisen Blindheim f. 1916, g. 1. 1947 m. Nancy Johansen (f. i Hopen 1920, d. 1949) g.2. 1954 m. Hjørdis Valbø frå Ørskog f. 1925,

Br. frå ca. 1956.

Born: Norvid f. 1948, arbeidsleiar. Nancy Johanne f. 1949, lærar g. 1972 m. lærar Svein Kolstø frå Karmøy. Augun Jodis f. 1956. Ingveig Anita f. 1963.

Arne Nikolaisen har drive bruket saman med far sin frå ca. 1956. I 1940 starta Arne og bror hans, Sigfred, ein møbelfabrikk på Blindheim med firmanamn Brødrene Blindheim. Sjø bnr. 42.

BJØRKEGLØTT bnr. 8.

Parsellen vart utskild frå Erikbruket bnr. 4 i 1906 med skyld 0,31 mark.

Første brukaren var

Ole Bastian Nilsen (f. 1870, d. 1947) g. 1902 m. Nikoline Berntsdtr. Haugset frå Reitegarden bnr. 1 (f. 1876, d. 1924).

Br. 1906 - 1947.

Born: Nathalie f. 1903, g.1. m. apotekar Kasper Smit, g.2. m. Ole Lineå, forretningsmann i Oslo. Bjarne f. 1904, underoffiser, kontorsjef på Brandal., d. 1931. Thomasine f. 1906 g.m. sokneprest Sverre Sletten. Olav f. 1908, maskinteknikar i Oslo. Ole f. 1910. Utv. nr. 745, g. m. Mildrid Strømmen, bustad Hatlane.

Ole Bastian Nilsen var son til Nils Jakobsen i Nakkegjerde bnr. 1. I 1892 reiste O. B. Nilsen til USA. (Sjå Utvs. nr. 744 og G. Kjølås: Gull) Han kom heim for godt i 1902, og kjøpte då denne parsellen av Erikbruket. Skøyte frå 1915 for 750 kroner. I 1906 bygde han stort stovehus av murstein, og dessutan løe. I første høgda av stovehuset hadde Sykkylven Privatbank kontoret sitt til banken bygde eige hus på Aure. O. B. Nilsen fødde 2 kyr på bruket sitt. Han hadde vore mellom dei første gullgravarane som kom til Dawson i Alaska, og var ein velhalden mann då han kom heim til Norge. Etter Ålesundsbrannen i 1904 dreiv O. B. Nilsen frakting av murstein og sand, og hadde då motorbåten «Søkkelven». Han åtte også part i eit sandtak på Erstad, og i 1912 kjøpte han kalksteinfjell på Lyshol saman med H. Schmidt, og dreiv dette ei tid. O. B. Nilsen var godgjerande mot mange som var i økonomiske vanskar, og miste mykje av pengane sine på den måten.

Sonen

*Olav Nilsen* f. 1908 fekk skifteskøyte på Bjørkegløtt i 1954. Han er maskinteknikar i Oslo. Huset på Blindheim leiger han bort.

NYHEIM bnr. 9.

Utskild frå Fredrikbruket bnr. 3 i 1908 med skyld 0,20 mark.

Første brukaren var

*Henrich Wilhelm Schmidt* frå Höyer i Slesvig-Holstein (f. 1867, d. 1947) g. 1896 m. *Pauline Margaretha Knutsen* frå Rodenes i Slesvig-Holstein (f. 1874, d. 1950).

Br. 1904 - 1946.

Born: *Margarethe Wilhelmina* f. 1897 g.m. *Ingvald Skuset* på Heissa. *Heinrich (Henrik)* f. 1899. Utvs. nr. 192. *Catharina Margarethe* f. 1900. *Peter* f. 1901. Utvs. nr. 194. *Martha Johanne* f. 1903 g.m. *Ole Gjerde* i Ålesund. *Johan* f. 1906 g.m. *Jorunn Eidem* frå Jenshaugen. *Julie Theodora* f. 1909 g.l. m. ingeniør *Bjarne Haugen* Lyshol, g.2. m. *Wicktor Davidsen*, USA. *Paula Heincke* f. 1910 g.m. *Erling Finnøy*. *Harald* f. 1912 g.m. *Kjellaug Skylstad* frå Hjørundfjord.

*Heinrich Schmidt* hadde teknisk utdanning og var ingeniør. Han kom til Norge i 1904 og budde med huslyden sin i Eriksgarden på Blindheim første åra til han bygde hus på Nyheim i 1912. Han fekk arvefestebrev på denne parsellen i 1908 av Karl Fredrik Olsen

Blindheim. Alt i 1904 byrja H. Schmidt med sementstein-fabrikk på Nyheim. Han laga både murstein, takstein (svilestein), mønestein m.m. og leverte mesteparten til Ålesund der det var stor byggeverksemd etter brannen i 1904. Han kjøpte sandtak på Erstad, bygde kai på Blindheim og førde sanden dit. Dessutan kjøpte han parsellen Sandbakken av Hau-Ola-bruket, og derifra tok han også ut mykje sand. Han hadde i 1904 kjøpt vassretten bruka på Blindheim hadde til Vikeelva, og Schmidt leidde no vatn frå denne elva ned gjennom Sandbakken og vaska grus til fabrikk ved sjøen. 20 - 25 mann hadde dei første åra fast arbeid ved Schmidtfabrikk. I 1912 kjøpte Schmidt og O. B. Nilsen (sjå bnr. 8) kalksteinfjell på Lyshol. Dei køyrde kalksteinen til Blindheim der Schmidt sette opp ein svær omn til å brenne kalk i. Under første verdskrig starta H. Schmidt entreprenør-verksemd med kontor i Skarbøvik. Han sette i desse åra opp mange større hus i Ålesund og distriktet rundt og bygde også mange kaier langs kysten. I nedgangstida i 1920-åra minka fabrikk- og byggeverksemda. Men framleis vart det slege litt murstein ved fabrikk.

Nyheim bnr. 9 er no delt mellom to av borna til Schmidt.

Halve Nyheim med huset og sementvarefabrikken gjekk over til

*Harald Schmidt* f. 1912 g. 1947 m. Kjellaug Skylstad frå Hjørundfjord f. 1919.

Born: Henrik f. 1947. Dagny f. 1949. Paul f. 1950. Oddvar f. 1952. Steinar f. 1954. Helge f. 1958. Hilde Karin f. 1963.

Harald Schmidt har drive murarverksemd ved sida av arbeidet med fabrikk på Nyheim.

Den andre halvparten av Nyheim har gått over til

*Johan Schmidt* f. 1906 g. 1951 m. Jorunn Johansdtr. Eidem frå Jenshaugen bnr. 6 f. 1923.

Born: Jarle f. 1949. Harry f. 1951. Jan f. 1953. Bjørg f. 1954. Else f. 1956.

Johan Schmidt har teke over kalkverket og dessutan eit hus som H. Schmidt bygde i 1912. Johan Schmidt er no i USA.

SOMMARLUND bnr. 12.

Opphavleg to parsellar. Ole Larssen Tynes (Sjå Blindheim, Dynhaug bnr. 23) kjøpte først eit utmarkstykk på Blindheimsbakkane i 1915

for 50 kroner. Stykket var utskilt frå bnr. 1, 3, 4 og 6 med 0,04 mark i skyld. I 1926 kjøpte Ole Larssen Tynes eit stykke av Erikbruket bnr. 4 for 700 kroner. Dette stykket fekk 0,10 mark i skyld. Dei to parsellane vart slegne saman til eitt bruk, Sommarlund bnr. 12, med 0,14 mark i skyld. Ole Larssen Tynes dyrka opp Sommarlund.

Versonen

*Iver Iversen Øyen* frå Eide på Nordmøre f. 1904 g. 1929 m. Beate Olsdtr. Tynes frå Blindheim, Dynhaug bnr. 23, f. 1904.

Br. frå 1936.

Born: Agnes f. 1930 g.m. Walter Jensen, Bergen. Inger f. 1933 g.m. Kollbjørn Hansen frå Ballangen, busett Horten.

Iver Øyen bygde stovehus på bruket i 1938 og løe i 1950. Dei fôra 1 ku og 2 - 3 sauer første tida, men har no gått over til fôringskalvar. Iver Øyen er utdana skreddar. Han arbeider no i møbelindustrien. Dottera Agnes har skøyte på Sommarlund frå 1935.

NYVOLL bnr. 14.

Sjå Tjønes bnr. 11.

FREDLY bnr. 15.

(PETERPLASSEN, LARENSEPLASSEN)

Husmannsplass under Erikbruket, rudt først i 1860-åra, utskild som eige bruk i 1924 med skyld 0,05 mark.

Første brukaren var

*Peter Sivertsen* (f. 1836, d. 1934) son til Sivert Johnsen Strømmegjerde og Eline Iversdtr. Tandstad. Peter skreiv seg for Kursetgjerde (Tandstad) då han vart konfirmert i 1852. Gift 1. 1864 m. Laurentze Ingebrigtsdtr. Aure frå Katrinaplassen bnr. 8 (f. Kniven (Knivsflå) 1834, d. 1878) g.2. 1880 m. Eline Gurine Hansine Ellingsdtr. Strømmegjerde (f. 1857, d. 1939).

Br. ca. 1860 - ca. 1924.

Born: Inger f. 1863, d. 1874. Karen Marie f. 1866, g. i Lødingen. Johanne f. 1870 g.m. Karl Jacobsen frå Lødingen, busett i Bergen. Lovise f. 1878, g. i Lødingen.

Peter Sivertsen flytte til denne plassen ca. 1860 og sette opp hus. Løa og stova var under eitt tak. I 1865 fødde han 1 sau og 2 geiter, og



i 1875 hadde buskapen auka til 2 kyr, 3 sauer og 1 geit. Sånaden var då 1 t. havre og 2 t. poteter. Ved sida av arbeidet med plassen dreiv han fiske. Han var også flink til å binde torskegarn. Elles arbeidde han mykje for dagløn, braut jord og grov veiter. Eline bakte flatbrød som ho seldei Ålesund. Peter var blind i sine siste leveår.

Dottera

*Johanne Petersdtr. Blindheim* f. 1870, g.m. Karl Jacobsen frå Lødingen kjøpte dette bruket i 1924 for 360 kroner. Skøyte frå Bernt Eliassen Blindheim i Eriksgarden til fru Johanne Jacobsen. Ho løyste same året ut husa på bruket av far sin for 700 kroner. Johanne og Karl Jacobsen budde i Bergen.

Dottera

*Martha Jacobsen* f. 1912, g.m. Fredrik Skulstad f. 1911, frå Bergen, fekk skøyte på dette bruket i 1946 frå Karl Jacobsen for 4000 kroner. Dei har vølt og bygt på huset ei stovelengd (Djupedalsstova på Velle), og brukar huset til sommarbustad. Martha og Karl Skulstad har eitt barn, Torfinn f. 1945.

SKULEPLANEN bnr. 17.

Skuleplanen for Vik skulekrins vart utskild frå Erikbruket bnr. 4 i 1924 med skyld 0,02 mark. Skøyte frå Bernt E. Blindheim på stykket for 50 kroner.

Etter tradisjonen stod det eldste skulehuset på Blindheim eit stykke sør for denne tomta. Dette skulehuset var bygt i 1863, og det var det første skulehuset i Sykkylven. Det vert fortalt at omnen ikkje var så bra i dette skulehuset, han var både nedsliten og sundsprøken. Ein kveld var det krinsmøte om denne omnen, og det vart eit langt og kvast ordskifte om dei skulle bøte gamleomnen eller om dei skulle kjøpe ny. Enden på visa vart at han Syver-Lars på Tjønes til slutt stod att aleine om kravet om ny omn, dei andre ville bøte. Då vart han Lars så arg at han gjekk. Romet var lite, og fullt var det av folk. Då han Lars skulle trengje seg forbi omnen, bar det så til at omnen fekk eit større trykk enn han tolde. Og dermed ramla han ned, og gjekk i småmolar. Det var ikkje til å tenkje på å setje omnen opp att. Dermed gjekk det som han Syver-Lars ville. Det vart kjøpt ny omn.

Det gamle skulehuset gjorde teneste til 1896 då det kom nytt hus på tomta bnr. 17. Etter den tids målestokk fekk Vik krins då eit stort og



*Dette er det første skulehuset som vart bygt i Sylekylven. Etter tradisjonen vart det sett opp på Blindheim i 1863. Biletet er etter eit måleri som Lars O. Tynes laga slik han hugsa huset frå gutedagane.*

gildt hus med kjellar der det også vart innreidd rom. Dette skulehuset nytta dei også som møtestad for kommunestyret i bygda dei første åra etterpå, og det var også møtelokale for ungdomen. Her feira bygdefolket og 17. mai. Vik krins hadde skulen her til 1967 då borna flytte til det nybygde huset på ei tomt under Larsbruket. Sjø bnr. 104. Skuleplanen bnr. 17 tok Vik Vel over. Denne samskipnaden rudda plenen, sette opp gjerde rundt, laga riggarsnorer og andre tidtrøytereiskapar for borna som her fekk seg ein trygg leikeplass.

Skulehuset kjøpte Bjørn Larssen Tynes, og saga materialen opp til byggevrke til nytt stovehus.

FREDLY bnr. 19 (Elinagarden).

Utskild frå Fredrikbruket bnr. 3 i 1925 med skyld 0,50 mark. Bruket er elles kalla Oklen i 1865, Storsteinbakken i 1870 og Karolusplassen i 1875.

*Karolus Pedersen Aure* frå Jakobsgarden bnr. 13 (f. 1830, d. 1913) g. 1858 m. *Helen Dorthea Jensdtr. Fauskehagen*, *Indre Fauske* bnr. 10) (f. 1835, d. 1924).

Br. 1860 - ca. 1896.

Born; Johanne f. 1858, d. 1904. Jensine f. 1860, g.m. Olaus Frøland, Ålesund. Anne f. 1863 g.m. Peter Indrebø, Skodje. Karolus f. 1870, g. på bruket. Marte f. 1874, g.m. Ole Vidnes, Syvde. Johanne *Petrine* f. 1878, d. 1898.

Karolus Pedersen fekk husmannssetel på Storsteinbakken i 1865 av Ole Karlsen Blindheim i Fredriksgarden, men Karolus hadde då visstnok vore der nokre år. Etter tradisjonen hadde det ikkje fare ljà over dette stykket. Så ille var det då Karolus tok til. Første året fødde dei ein sau. Jorda var tung å arbeide med, mesteparten av molda var bortkøyrd frå før, berre stein var att, serleg under Knausa. Men Karolus tok fatt. Han dreiv som bygningsmann og snikkar om dagane, og om kveldane og frametter nettene braut han jorda og tok veiter. I 1875 fødde han 2 kyr, 3 sauer og 3 geiter på plassen. Sånaden var 1½ t. havre og ½ t. poteter.

Sonen

*Karolius Karolussen Blindheim* (f. 1870, d. 1950) g.l. 1896 m. Anna Bastiansdtr. Grebstad frå Bastiangarden bnr. 20 (f. 1876, d. 1914) g.2. 1915 m. Susanna P. Stavdal frå Stordal f. 1877.

Br. 1896 - 1947.

Born: Lisa Emma f. 1897, d. 1921. Peter Johan f. 1899, d. 1909. Ester Marie f. 1901, d. 1940. Klara Selma f. 1904, d. 1949. Bjarne f. 1906. Utvs. nr. 173. Peter Karl f. 1909 g. på bruket. Anna Kasbara f. 1912. Operasjonssyster ved Rikshospitalet. Karl Johan f. 1913 g.m. Johanne Nikolaisdtr. Blindheim. Bnr. 35. Leif Arnljot f. 1916. Diakon, sosialkurator. Petra Oddbjørg f. 1920. Handarbeidslærarinne.

Karolius Blindheim fekk festesetel på Storsteinbakken i 1896 og dessutan 4 mål jord i tillegg. Festesummen var 480 kroner. Tidlegare hadde løa og stova vore under eitt tak med stova i nørste enden av huset. Fjøsene var i kjellaren under stova. Karolius bygde no nytt løhus med fjøs. Sørstenden av stovehuset, som tidlegare hadde vore løe, bygde han om til bestestove. Han braut og dyrka godt opp plassen, og fôra siste åra 4 kyr og 2 - 3 sauer. I 1925 løyste han ut garden av Karl Fredrik Blindheim for 3500 kroner. Karolius hadde i yngre år lært seg til skomakar og han sysla litt med det yrket ved sida av gardsarbeidet. Han dreiv også fiske nokre år. I 1890-åra kom Karolius med i det kristelegte arbeidet i bygda, og han byrja som forkynnar. Han reiste som emissær i mange år, første tida mest i Nordfjord, sidan i Møre og

Romsdal som medarbeidar i Det Norske Misjonselskap. Med hans arbeid fylgde det mange store vekkjingar både i Nordfjord og i Møre og Romsdal. Serleg kjend er kanskje vekkjinga i Follestaddalen i Ørsta i 3905 då «heile Follestaddalen» kom med. Sokneprest Devold karakteriserte denne vekkjinga som «særleg sund og god. Follestaddalen var før av legpredikanter ansett for et hedningenes Galilea, som det helst undgikk.» (Tidskr. for Sunnm.historielag 1935 s. 70). Karolius hadde ei lyrisk åre, skreiv mange kristelege songar. Mange av dei sette han tone til sjølv. Han var glad i song, og han spela gitar. Instrumentet fylgde han alltid på reisene.

Sonen

*Peter Karl Karoliussen B Blindheim* f. 1909 g. 1946 m. Åsta Jensdtr. Ødegård frå Stranda f. 1910.

Br. frå 1947.

Born: Sissel Tove f. 1947. Kristen Jarle f. 1950.

Petter Karl Blindheim tok over bruket med buskap og hus i 1947. Han kjøpte og ol fram større bufe, og auka avlinga av bruket gjennom sterkare gjødsling. Frå 1960-åra slutta han med mjølkekyr, og føra i staden fram uksekalvar til slaktedyr. I 1950 la han springvatn til stove og fjøs, og i 1955 bygde han nytt stovehus. I yngre år lærde Petter Karl seg til mekanikar, og han arbeidde på ymse verkstader i 21 år. Eit års tid var han motormann om bord i «Brand III». Under krigen i 1940 kjempa han som soldat på Dovre. Han vart teken til fange av dei tyske fallskjermssoldatane sør for Dombås og sett inn i ein fjøs med fleire andre. I løa over fjøsen forskansa tyskarane seg. Nordmennene gjekk til åtak mot den tyske stillinga, eit par norske fangar fall i denne striden og dessutan fleire tyske såra tar før tyskarane heiste det kvite flagget og gav seg over.

DYNHAUGEN, bnr. 23.

Utskild frå Fredrikbruket bnr. 3 i 1932 med skyld 0,16 mark.

Den første som bygde på Dynhaugen var

*Jørgen Eriksen Aure* frå Jakobsgarden. (f. 1800, d. 1858), g.m. Nikoline Katrine Jonsdtr. Gjævenes (f. 1815, d. 1858).

Born: Edvard f. 1842 g. 1870 m. Oline Larsdtr. Lyshol. Sjø Øvsthusa bnr. 1. Jens Peter f. 1845 g. 1876 m. Anne Pernille Nikolaisdtr. Erstad. Sjø Grebstad bnr. 77. Karl Fredrik f. 1849.

Utv. nr. 168. Karoline f. 1852 g.m. Bernt Kristensen Grebstad, skomakar. Sjå Aure, Skjerva, bnr. 2. Helge *Tomasine* f. 1857, g. i Bergen.

Jørgen Eriksen var inderst på Aure til han ca. 1847 flytte til Blindheim og sette seg opp eit lite hus på Dynhaugen. Nokon jordveg hadde han ikkje. Han enda sine dagar på legd.

Don som rудde Dynhaugplassen var

*Ole Larssen Tynes* frå Syvergarden bnr. 7 (f. 1852, d. 1949) g.1. 1880 m. Berte Berntsdtr Erstad (f. 1856, d. 1902) g.2. m. Anne Knutsdtr. Hovden (f. 1868, d. 1960).

Br. 1880 - 1939.

Born: Martin f. i Hommelvik 1879, busett Bjørø ved Bergen. Marie f. 1880. Utv. nr. 947. Laura f. 1882. Utv. nr. 946. Anne f. 1886. Utv. nr. 943. Olavius f. 1888. Utv. nr. 952. Karen f. 1892. Utv. nr. 945. Olga f. 1895. Utv. nr. 948. Berta f. 1897. Utv. nr. 944. Sverre f. 1900, g. på bruket.

2. ektesk.: Beate f. 1904 g.m. Iver Iversen Øyen frå Eide på Nordmøre. Sjå Blindheim bnr. 12.

Ole Larssen Tynes fekk byggesetel på Dynhaugen i 1880 frå Ole Petersen Blindheim i Fredriksgarden. Skøyte i 1935 for 1.700 kroner. Ole kjøpte også eit par jordstykke på Blindheim i tillegg i 1915 og 1926 (sjå bnr. 12). Han bygde stovehus i 1882, og løhus i 1888. Ole var svært hendig. Ved sida av arbeidet på plassen, var han også bygningsmann og skomakar, og han dreiv fiske. Dessutan sysla han litt som urmakar og blekkslagar.

Sonen tok over Dynhaugen. Det var

*Sverre Olsen Tynes* (f. 1900, d. 1969) g. 1938 m. Inger Johansen frå Grebstad bnr. 41 (f. 1915).

Br. frå 1939,

Born: Oddbjørn f. 1938, ingeniør, Oslo. Eva f. 1940 g.m. Einar Sørensen frå Bø, Vesterålen. Busett Tjønes under bnr. 1. Dagfinn f. 1950. Stig Inge f. 1959, pleieson.

Sverre Olsen Tynes var sjømann i utanriksfart i 40 år, dei siste 30 åra som båtsmann. I 1937 fekk han eit risp i ei hand medan båten låg i hamn i New York. Det vart blodforgift og kolbrann i ein finger, men han slapp frå det med å amputere fingeren. Sverre Tynes slutta sjøen i 1964. Han vølte stovehuset på Dynhaug i 1941, mura kjellar og bordkledde. I 1966 bygde han om heile huset.

VENHAUG bnr. 24.

Utskild frå Erikbruket bnr. 4 i 1938 med skyld 0,01 mark.

*Magda Didriksen* (f. Larsen i Ålesund 1879, d. 1957) g.m. Einar Didriksen frå Kristiansand, var enkje då ho bygsla denne tomte i 1938 og bygde hus. Då ho døydde, gjekk eigedomen over til

*Bjørn Roald Langeland Drabløs* frå Ålesund f. 1932, g. 1955 m. Inger Johanne Ludviksen frå Erikgården på Blindheim, f. 1932.

Born: Bjørn Inge f. 1956. Tone Berit f. 1958.

Bjørn Drabløs er p.t. 1. styremann i utanriksfart. Han løyste ut eigedomen og bygde om huset i 1962.

GOSEN bnr. 25 og 31.

Parsellane vart utskilde frå Larsbruket bnr. 6 i 1939 og 1942, kvar med skyld 0,01 mark., og selde til

*Lars Karl Larssen Hjelle* frå Klokkehaug bnr. 8, f. 1906 g. 1931 m. Borghild Kasbara Karlsdtr. Velle frå Bastiangården bnr. 1 f. 1908.

Born: Lars Karl f. 1931, kontorsjef. g.m. Turid Einarsdtr. Sellereite frå Hjørundfjord. Blindheim bnr. 101. Jarle Bertel f. 1933 g. 1963 m. Sølvi Eilertsen frå Hareid f. 1944. Sjå Vik bnr. 135.

L. K. Hjelle er ein av pionerane i møbelindustrien i Sykkylven. Han byrja i 1929 saman med Nils Klock, brørne Peter og Lars Hjelle frå Stranda då dei skipa lenestolfabrikken Solid, med L. K. Hjelle som disponent. Sjå Vik bnr. 22. I 1940 starta han L. K. Hjelle Stol- og Møbelfabrikk saman med eit par svograr, men tok seinare over åleine. Sjå Vik bnr. 48.

Privathuset på Gosen bnr. 25 bygde han i 1939. Han har vore mykje med i kommunalt styre, og ein aktiv medlem i mange andre samskipnader: medlem i kommunestyret og formannskapet, medlem i skulestyret, formann i byggenemnda ved Vik nye skule, formann i Sykkylven Tiltaksråd og Sykkylven Industrilag, og i mange år formann i styret for P/L Sykkylvsbladet.

GRANLY bnr. 26

Utskild frå Erikbruket bnr. 4 i 1939 med skyld 0,14 mark.

*Karl Johan Eliassen Blindheim* frå Erikgården bnr. 4 (f. 1888,

d. 1974) g. 1930 m. Jenny Sofie Jensdtr. Drotninghaug frå Reiten bnr. 3 (f. 1901).

Br. frå 1937.

Born: Eldbjørg Johanne f. 1932, gartnar, g. 1959 m. Erling Mariussen Lillevik frå Ytre Fauske (bnr. 3). Alfild Olaus f. 1934, postskule, g. 1961 m. maskiningeniør Torben Traberger frå København. Bustad Holte i Danmark, Kari Jorunn f. 1937, lærar, g. 1964 m. skulepsykolog Gunnar Odd Larsen frå Ålesund. Berit Oddlaug f. 1940. Kontordame.

Karl Johan Blindheim reiste til USA i 1907 og kom heim for godt i 1928. Utvs. nr. 158. Frå 1928 har han drive bygningsarbeid og vegarbeid. Han har bygt hus på Granly, dyrka heile stykket, 6 - 7 dekar, og planta ut mykje av det med frukt- og bærre. Jenny Jensdtr. har gått industriskulen. Ho har vore handarbeids-lærarinne ved skulane i Sykkylven, sist ved den linedelte ungdomsskulen.

Versonen

*Erling Mariussen Lillevik* frå Ytre Fauske bnr. 3 f. 1934 g. 1959 m. Eldbjørg Karlsdtr. Blindheim f. 1932. Lensmann i Sykkylven frå 1973. Bygde på stovehuset i 1960.

Born: Karl Marius f. 1959. Hallstein f. 1964. Gjartrud Marie f. 1967.

BJERKELI bnr. 27.

Utskild frå Erikbruket bnr. 4 i 1941 med skyld 0,01 mark.

*Thorleif Myckland* frå Vest-Agder, f. 1899 g. 1930 m. Lina Jensdtr. Ødegård frå Bakken, Stranda (f. 1906, d. etter bilulykke, ca. 1969). Dei bygde hus på denne tomte i 1941. Tidl. hadde Myckland vore prest i USA, sidan reiste han som predikant for Indremisjonen. Han var også ein bolk i Finnmark. I 1952 vende han attende til USA, der han og kona styrde den norske aldersheimen i Brooklyn. Seinare dreiv dei sin eigen private aldersheim, men kom så heim att til Norge. I 1974 var han ved Gjerpen Syke- og Aldersheim i Skien.

Han selde eigedomen til

*Olav J. Sandvik* frå Aure på Nordmøre f. 1922 g. 1953 m. Malmfrid Mariusdtr. Andestad (bnr. 4) f. 1929.

Barn: Jan Morten f. 1954. Kristin Johanne f. 1957. Oddmar f. 1966.

DALEBU bnr. 28.

Utskild frå Hau-Ola-garden bnr. 1 i 1941 med skyld 0,05 mark.

*Ragnvald Gjævenes* f. 1909 g. 1941 m. Borghild Olsdtr. Fausa frå Eidem bnr. 7 f. 1914. Bygde hus i 1951. Han arbeider i industrien.

Born: Astrid f. 1944. Randi Berit f. 1951.

SOLGLYTT bnr. 30.

Utskild frå Eriksgarden bnr. 4 i 1942 med skyld 0,01 mark.

*Sigfred Nlkolaisen Blindheim* frå Reitebakken bnr. 7 f. 1921 g. 1951 m. Marie Johanne Nilsen frå Hopen f. 1930, bygde hus i 1952. Han er medeigar i Brødrene Blindheim Møbelfabrikk. Sjå bnr. 42.

Born: Judit f. 1952 g. 1974 m. Jens Anders Kjersem, som er kiropraktor. Busett i Ålesund. Karin f. 1954. Steven f. 1961.

SOLTUN (Hagatun) bnr. 34.

Tomta vart utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1943 med skyld 0,01 mark.

*Sigurd Olavsens Børve* frå Øystese, Hardanger, f. 1925 g. 1955 m. Sigrunn Hansdtr. Emdal frå Stranda f. 1927, kjøpte tomte i 1959 og bygde hus i 1962. Han er møbelsnikkar.

Barn: Sonja Irene f. 1967.

BAKKERO bnr. 35.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1943 med skyld 0,01 mark.

*Karl Karolussen Blindheim* (bnr. 19) f. 1913 g.l. 1947 m. Johanne Nikolaisdtr. Blindheim frå Reitebakken (f. 1918, d. 1959) g.2. 1962 m. Gudrun Langstøyl frå Ørsta f. 1925, bygde hus i 1947. Han har vore medeigar i Vik og Blindheim Møbelfabrikk,

Born: Arvid f. 1948. Kirsti Agnethe f. 1950. Sveinung f. 1954.

FREDTUN bnr. 38.

Tomta vart utskild frå Larsbruket bnr. 1 i 1945 med skyld 0,01 mark.

*Hermann Pettersen Svindset* frå Larsgarden (f. 1910, d. 1963)



g. 1941 m. Hjørdis Jørgensdtr. Melset f. 1912, kjøpte denne parsellen i 1946 og bygde hus same året. Han var møbeltapetserar, Born: Hildegunn f. 1943, syerske. Laila f. 1948, barnepleierske.

#### STENSETH bnr. 39 (Solvang bnr. 40.)

Tomta vart utskild frå Hau-Ola-garden i 1945 med skyld 0,01 mark.

*Knut Trondsen Stenseth* frå Askvoll (f. 1905, d. 1972) g. 1938 m. Alvild Andersdtr. Yndestad frå Guddal f. 1912, kjøpte denne parsellen i 1945 og bygde hus i 1947. Seinare utvida han tomte med parsellane Solvang bnr. 40, skyld 0,01 mark, og Stenseth II bnr. 45 med skyld 0,01 mark. Knut Stenseth arbeidde i møbel industrien og var treskjerar. Han hadde eigen verkstad i huset sitt.

Barn: Tormod f. 1944, d. 1966, songutdanning, bibelkurs ved Fjellhaug,

I 1973 overlét enkja Alvild Stenseth eigedomen til

*John Eide* frå Ostereidet i Hosanger f. 1936 g. 1965 m. Solfrid Jorunn Yndestad frå Haugsdal i Masfjord f. 1937.

Born: Inger Nina f. 1966 i Bergen. Asgeir Bjarte f. 1968 i Bergen. Roger f. 1972 i Bergen. Svein Jarle f. 1973 i Ålesund.

#### BOLSTAD bnr. 41.

Tomte vart utskild frå Dynhaugen bnr. 23 i 1945 med skyld 0,01 mark.

*Rasmus Amundsen Bolstad* frå Oppstryn f. 1906 g. 1930 m. Nikoline Nilsdtr. Heggen frå Valldal f. 1906, bygde hus i 1946. Han var eit års tid på Ikornnes som gardbrukar (1938), hadde seinare snikkarverkstad på Jarnes. Han lagar no heftestift til fabrikkane.

Born: Arvid f. 1930 g.m. Aud Berg frå Røa. Oddrun f. 1933, driv blomsterforretning på Aure, g.m. kommuneteknikar Jon Welle frå Aure bnr. 75. Borgny f. 1935 g.m. Odd Bendixen frå Kinn.

#### OSVANG bnr. 42 og 43.

BRØDRENE BLINDHEIM A/S.

Bnr. 42 er ein parsell ved sjøen utskild frå Erikbruket bnr. 4 i 1945

med skyld 0,01 mark. Parsellen grensar til bnr. 43, ein parsell som vart utskild frå Larsbruket bnr. 6 i 1946 med skyld 0,01 mark. På desse to stykka sette brørne Sigfred og Arne Blindheim opp eit fabrikkbygg i 1945. Dei har seinare bygt på huset to gonger, slik at huset i 1974 har eit golvareal på ca. 2000 rutemeter.

Det var opphavleg Nikolai Rasmussen Blindheim (bnr. 7) saman med sonen Sigfred Blindheim (sjå også bnr. 30) som i 1939 gjorde opptaket til denne verksemda. Dei hadde drive bygningsarbeid og innreiing, men i 1939 innreidde dei eit rom i løa på Reitebakken bnr. 7, og byrja med snikkarverkstad som fekk namnet Reitebakken Snikkarverkstad. Dei arbeidde glas, dører og kjøkeninnreiingar. I 1940 kom også Sigfred sin eldste bror, Arne Blindheim, med i verksemda. Han hadde tidlegare arbeidt ved B. R. Tynes sin møbelfabrikk. Nikolai Blindheim drog seg etter kvart ut frå verksemda, og Arne og Sigfred Blindheim heldt fram på eiga hand under namnet Brødrene Blindheim. Dei kjøpte fleire maskiner, og gjekk over til å produsere møblar, m.a. soveromsmøblar og sofabord.

Etter at dei fekk opp nytt hus ved sjøen i 1945, har Brødrene Blindheim spesialisert seg meir og meir på å lage spisebord, sofabord og småbord. Desse borda sel dei både innanlands og eksporterer til utlandet, heilt til Japan og USA. I 1974 var 15 mann i arbeid ved verksemda som i 1973 gjekk over til aksjeselskap med Sigfred Blindheim som disponent og Arne Blindheim som produksjonsleiar.

#### SOLHEIM bnr. 46.

Tomta vart utskild frå Hau-Ola-garden bnr. 1 i 1949, utvida i 1950 med parsellen Solheim II bnr. 54 med skyld 0,01 mark.

*Alf Andreassen Solberg* frå Brudevoll f. 1912 g. 1939 m. Helga Elisa Bjørnenakk frå Folkestadbygda, Volda, f. 1918, kjøpte desse tomtestykka og bygde hus i 1949. Han byrja som korgmakar 15 år gamal, arbeidde m.a. 9½ år i Ørsta. I 1941 starta han og Lars L. Tynes ein møbelfabrikk. Alf Solberg tok over drifta i 1944, og han har no fabrikkane aleine.

Born: Anders Oddvar f. 1939 g. 1962 m. Margunn Eddland frå Høyland f. 1939. Medeigar i Rønes & Solberg A/S. Sjå under Vik bnr. 6. Hallvard Egil f. 1942, blekkslagar, medeigar i Rønes &

Solberg A/S. Sjø under Vik bnr. 6. Alf Helge f. 1946 g.m. Inger Pauline Vangen frå Stranda. Han har teknisk utdanning frå Gøteborg,

ELVETUN bnr. 47.

Utskild frå Larsbruket bnr. 6 i 1949 med skyld 0,01 mark.

*Otto Bakke* frå Syvde f. 1915 g. 1949 m. Haldis Nikolaisdtr. Blindheim frå Reitebakken f. 1927, bygde hus i 1954. Han driv møbelstoff-forretning.

Barn: Oddhild f. 1960.

GRÆSDAL bnr. 52.

Utskild frå Larsbruket bnr. 6 i 1951 med skyld 0,01 mark.

*Kåre Jørgensen Græsdal* frå Skodje f. 1925, maskinsjef i utan-riksfart, g. 1966 m. Kirsten Hallseth frå Bergen f. 1924.

Kåre Græsdal kjøpte denne parsellen av Martinus Blindheim i 1952, og bygde stovehus i 1953.

RAKKETUN bnr. 53.

Tomta vart utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1951 med skyld 0,01.

*Otto Bakke* (sjå bnr. 47) kjøpte denne tomte først.

Bakke selde til

*Haakon Eliassen Emdal* frå Sætre bnr. 9 som selde til

*Marie Johansdtr. Erstad* f. 1913.

LØSETHVOLL bnr. 56.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1952 med skyld 0,01 mark.

*Konrad Løseth* frå Ramstaddal f. 1924 g. 1949 m. Nelly Furnes frå Søvikdal f. 1923, bygde hus i 1952.

Born: Andor f. 1950. Oddny Sølvi f. 1955. Hallgeir f. 1958. Frank f. 1961. Leon Karstein f. 1964.

SVEÅS bnr. 57.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1952 med skyld 0,01 mark.

*Gunnar Sveås* frå Støren f. 1926 g. 1950 m. Olave Larsdtr. Frøysa frå Ramstaddal f. 1920 bygde hus i 1954. Han er arbeidsformann ved B. R. Tynes Møbelfabrikk,

Born: Dagny Irene f. 1951. Lars Kjetil f. 1955.

HARAM bnr. 59.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1952 med skyld 0,01 mark.

*Severin Haram* frå Haram f. 1904 g.m. Jofrid Karoline Tynes f. 1906, bygde hus i 1954.

Barn: Sonja Gyda f. 1941 g.m. sjåfør Olger Hjelle.

SVINDSETH bnr. 60,

Tomta vart utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Aksel J. Svindseth* f. 1923 g. 1952 m. Klara Harnes f. Sandøy f. 1925, bygde hus i 1953.

Born: Jarle Tormod f. 1954. Leif Rune f. 1961.

HEIMTUN bnr. 61.

Tom ta vart utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1953 med skyld 0,01 mark,

*Leiv Pedersen Sæther* frå Dyrkorn f. 1924 g. 1951 m. Borgny Fjellaug frå Oppstryn f. 1924, kjøpte parsellen i 1953 og bygde hus i 1954. Han er møbeltapetserar.

Born: Lisbeth f. 1952. Jostein f. 1955. Per Otto f. 1961.

SOLTUN bnr. 63.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Jon Stølen* frå Naustdal, Sunnfjord, f. 1931 g. 1956 m. Astrid Mortensen frå Balsfjord f. 1928, bygde hus i 1960. Han arbeidde i møbelindustrien i 16 år. Er no distriktssjef i trygdeselskapet Samvirke.

Born: Johnny f. 1957. Tore André f. 1962. Anita f. 1965.

#### KRINGSJÅ bnr. 64.

Ulskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Leidulv Lassesen Langeland*, møbeltapetserar frå Guddal, f. 1922 g. 1952 m. Petra Pedersdtr. Ødemark frå Dale i Sunnfjord f. 1926, kjøpte denne tomte i 1954 og bygde hus i 1957.

#### BAKKELY bnr. 65.

Tomta vart utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1954 med skyld 0,03 mark.

*Ingvald Karlsen Kaldhussæter* frå Skodje f. 1920 g. 1943 m. Thea Jørgensdtr. Gresdal frå Skodje f. 1922, kjøpte denne tomte i 1954 og bygde hus i 1958. Han er maskinsnikkar,

Born: Grete f. 1944. Serveringsdame. Jarle f. 1947. Bilfører. Ingebjørg f. 1952. Gunnvor f. 1954. Terje f. 1957. Frode f. 1959. Anne Mona f. 1961.

#### ELVETUN bnr. 67.

Utskild frå Larsbruket bnr. 6 i 1954 med skyld 0,01 mark.  
HOLE & LILLEBØ A/S

Stol- og Møbelfabrikk vart skipa i 1947 av Leonhard Hole (Sjå Tjønes bnr. 11 og Grebstad bnr. 54), Olav Hole (Tjønes bnr. 11) og Ingvald Lillebøe (Sjå Vik under bnr. 6). Fabrikkens lagar stoppa møblar. Første åra leigde fabrikkens lokale i Schmidt Sementsteinfabrikk sitt hus på Blindheim, og hadde dessutan ei maskinavdeling i privathuset til Ingvald Lillebøe. I 1955 sette Hole & Lillebøe A/S opp eit fabrikkbygg på Elvetun ved Vikeelva. Bygninga var på ca. 800 kvm., og dessutan bygde dei lager på ca. 500 kvm. Produksjonen auka frå år til år, og i 1966 utvida dei fabrikkens med eit større tilbygg. Samla golvflate til produksjon, kontor og utstillingslokale er no på 2000 kvm., og eit lagerlokale på ca. 1000 kvm. Arbeidsstokken ved fabrikkens har auka frå 10 mann i 1947 til 35 tilsette i 1968.

#### KVELDRO bnr. 68.

Ulskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1955 med skyld 0,01 mark.

*Karl Klock* frå Ramstaddal f. 1920 g.m. Magna Lange frå Eresfjord og Vistdal f. 1915, bygde hus i 1955.

Born: Norunn Kari f. 1947. Solfrid f. 1955.

SOLTUN bnr. 73.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1956 med skyld 0,01 mark.

*Trygve Jacobsen* frå Sandar f. 1920 g. 1947 m. Jorunn Follestad  
frå Bolsøy f. 1921, bygde hus i 1958.

Born: Magne f. 1949. Randi Tove f. 1953.

UTSIKTEN bnr. 75 og 98,

Parsellane: er utskilde frå Fredrikbruket bnr. 3 i 1957 og 1963.

*Jostein Gjerde* frå Tjønes f. 1932 g. 1964 m. Palma Larsdtr.  
Nysæter (Sjå Vik under bnr. 6) f. 1934, bygde mekanisk verkstad i  
1958 og stovehus i 1963. Han var arbeidsleiar ved Møre  
Transformatorfabrikk på Ørsnes, men har no byrja med eiga verksemd.  
Sjå Vik bnr.

Barn: Lovise f. 1967.

BAKKELY bnr. 76.

Utskild frå Erikbruket bnr. 4 i 1957 med skyld 0,01 mark.

*Ole Andreassen Løseth*, Ramstaddal, f. 1918 g. 1946 m. Borgny  
Olavsdtr. Ramstad frå Bøen bnr. 1 f. 1920.

Born: Berit Lovise f. 1949, student. Arnfinn Olav f. 1952, skuleelev.

Ole Løset er utdana agronom og dreiv gardsarbeid til 1941 då  
han byrja som møbeltapetserar. Frå 1946 har han vore  
arbeidsformann ved L. K. Hjelle Møbelfabrikk. I 1940 var Ole  
Løset med i krigen mot tyskarane. Borgny Løset har frå 1963 vore  
redaksjonssekretær i «Sykkylvsbladet. Dei kjøpte denne parsellen  
av Petter Ludviksen i Erikgarden i 1957, og bygde stovehus same  
året.

HAMMARLY bnr. 80.

Tomta vart utskild frå Fredriksgarden bnr. 3 1958, skyld 0,01 mark.

*Thomas Martinussen Lied* frå Liabygda (f. 1900, d. 1973 g.l. m.  
Lina Strømmen frå Borgund (d. 1939) g.2. 1950 m. Svanhild  
Johnsdtr. Nesje frå Oppstryn f. 1907.

Sjå også Tjønes, Suffiplassen bnr. 4.

Thomas og Svanhild Lied bygde hus på Hammarly i 1960. Thomas hadde vore sjømann både i utanriks- og innanriksfart. Etter siste krigen dreiv han kvalfangst. Han gjekk på land for godt i 1951, og arbeidde sidan som murar.

#### BRATTLAND bnr. 82.

Utskild frå Fredriksgarden bnr. 3 i 1959 med skyld 0,01 mark.

*Ola Thomassen Tynes* (bnr. 3) f. 1929 g. 1954 m. Dagmar Lovise Pedersdtr. Vike frå Stranda f. 1929, kjøpte denne tomte i 1959 og bygde hus same året. Han er møbeltapetserar. Ole Tynes er interessert i sau, og fôrar 7 sauer, alle premidyr. Fôret slår han i Syvergarden på Tjønes.

Born: Jorunn Marit f. 1955. Harald f. 1957. Synnøve Oddny f. 1961.

#### DALHAUG bnr. 83.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1959 med skyld 0,01 mark.

*Hans Emil Lamo* frå Lakselvbukt i Troms f. 1922 g. 1947 m. Eldfrid Engeset frå Ålesund f. 1922 kjøpte tomte i 1961 og bygde hus same året. Han er benkesnikkar.

Born: Ståle f. 1949. Sjømann. Øyvind f. 1952. Ellen Elisabeth f. 1957. Mary-Ann f. 1957. Tor Arne f. 1959,

#### FJORDGLØTT bnr. 85.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1959 med skyld 0,01 mark.

*Sverre Almeskar* f. 1921 g. 1950 m. Anna Kirsten Løset f. 1929, bygde hus i 1961.

Born: Hildebjørg Marie f. 1952. Lars f. 1958.

#### SOLBAKKEN bnr. 86.

*Rolf E. Barstad* frå Vartdal f. 1923 g. 1952 m. Åse Stenersen frå Selje f. 1931, bygde hus i 1961.

Barn: Merete f. 1957.

HARSTADTUN bnr. 87.

Tomta vart utskild frå Hau-Ola-garden bnr. 1 i 1960 med skyld 0,01 mark.

*Hallvard Anderssen Harstad* frå Gjemnes f. 1929 g. 1951 m. Judit Leidulvsdr. Vikstad frå Rasmusbøen på Velle f. 1932, kjøpte denne tomte i 1960 og bygde hus i 1961. Han driv transport-forretning.

Born: Arne Inge f. 1952. Laila Johanne f. 1953. Astrid Karin f. 1955. Anita Kristin f. 1957. Møyfrid f. 1961. Håvard f. 1963. Heidi f. 1967.

HAMMERNES bnr. 90.

Utskild frå Larsgarden bnr. 6 i 1961 med skyld 0,01 mark.

*Arvid Georg Hammernes* frå Sør-Frøya f. 1933 g. 1957 m. Halldis Gerd Myklebust frå Stranda f. 1935, kjøpte denne tomte i 1960 og bygde hus i 1962. Han arbeider i møbelindustrien, og driv også med mink.

Born: Solfrid Anita f. 1958. Bente f. 1959. Liv Sølvi f. 1964. Astrid Helen f. 1966.

SOLVANG bnr. 91.

Utskild frå Larsgarden bnr. 1 i 1961 med skyld 0,01 mark.

*Oddvar Grøvlen* frå Fjaler f. 1929 g. 1955 m. Hilda Amanda Boge frå Guddal f. 1933, kjøpte denne tomte i 1962 og bygde hus i 1963. Han er møbelsnikkar. Ho er syerske.

Born: Laila f. 1956. Jarle f. 1959. Odd Harald f. 1962.

Bnr. 94.

*Rolf Sigurd Telstad* frå Ålesund f. 1916 g. 1958 m. Svanhild Karolusdr. Nyhagen frå Blindheim bnr. 5 f. 1924, bygde stovehus i 1965. Han er styrmann.

LUNDEN II bnr. 101.

Tomt av Larsbruket bnr. 6.

*Lars Karl Larssen Hjelle* frå Blindheim bnr. 25, f. 1931 g. 1958 m. Turid Einarsdr. Sellereite frå Hjørundfjord f. 1939.



Born: Runar f. 1958. Lars Tore f. 1960. Bengt f. 1965.

Lars Karl Hjelle har handelsutdanning, og er no kontorsjef ved L. K. Hjelle Stol- og Møbelfabrikk A/S. (Vik bnr. 48)

Bnr. 104.

Den nye leikeplassen og skuletomta til Vik krins (sjå også bnr. 17) vart utskilde frå Larsbruket bnr. 6 med skyld 0,16 mark. Her vart bygt nytt skulehus som vart vigsla i 1968, men teke i bruk alt i 1967. Huset er i 2 høgder med m.a. 3 vanlege klasserom, 1 kombinert klasse- og gymnastikkrom, 1 gruppeklasserom og aktivitets- og formingsrom. Arkitekt Karstein Oddm. Vik laga teikninga til skulen, entreprenør Arne Flaate stod for bygginga, og L. K. Hjelle var formann i byggenemnda. I 1974 var det 142 born ved skulen, delt på 7 klasser.

SOLVOLL bnr. 105.

Tomt frå Larsbruket bnr. 6.

*L. K. Hjelle* (sjå Blindheim bnr. 25 og Vik bnr. 48) bygde bedriftshus på tomta i 1967.

## **Tjønes, gnr. 19.** [\(Til innhald\)](#)

Skrivemåten på namnet har vore Tiouanese ca. 1200, Tiouanes ca. 1490, i ei utskrift ca. 1600 (Sunnmørsættlegga) frå ein gamalnorsk tekst vert garden kalla Haffuanes. I 1603 er skrivemåten Tydenes, og Thydenes i 1606, Thynes i 1616, Thiotines i 1617, Tynnes i 1666, Kiønes i 1714 og Thynes i 1723. Garden ligg i bakkehallet på austsida av Sykkylvsfjorden og grensar i sør til Tandstad, i aust til Tandstad og Blindheim si utmark, og i nord til Blindheim si innmark. Garden har namn etter Tjøneset som stikk fram i Sykkylvsfjorden mot vest. Om tydinga sjå Sykkylven i eldre tid I, s. 78. I 1921 vart det sett opp ein fyrlampe på Tjønes. Denne lampen vart først i 1930-åra flytt til Erstad.

Tjønes hørde før til Vik skulekrins med skulehus på Blindheim. Sjå gnr. 18. Frå 1954 har storskuleborna vorte køyrde med buss til Aure skule. Småskuleborna går framleis i skulehuset på Blindheim.

Den gamle postvegen gjekk opp bakken frå Bringebærdalen på Blindheim ved H. Schmidt sin eigedom og vidare inn gjennom gamletunet på Tjønes. Sidan svinga vegen ned gjennom lia att i Tjønesstranda mot Tandstad. I 1898 vart vegen omlagd. Han kom no nærare sjøen og vart flatare. Gamlevegen som no er mykje utbetra, er framleis i bruk som gardsveg. Etter tradisjonen vekte det misnøye på Tjønes då dei miste postvegen gjennom tunet. I dag er vel dei fleste glade over å vere fri stortrafikken forbi stovedørene. Den nye vegen gjennom Tjønesstranda var nok bra etter si tid, men etter som ferdsla med store og tunge bilar auka, vart vegen både for smal og for veik, og ofte støyte bilane i hop i dei krappe svingane. Vegstykket gjennom Tjønesstranda fekk snart eit dårleg ord på seg, men etter kvart har vegen vorte utbetra stykke for stykke. Siste parsellen vart vølt i 1969, men først etter at det hende ei dødsulykke i 1966 då vegbarden stakk

ut og ein buss fullsett av skuleborn gjekk rundt. To born miste livet ved den ulykka.

Funn i jorda tyder på at Tjønes er ein gamal gard. Amund Tynes fann såleis 14 skiver og spon av flint i 1922, og Jens Tynes fann i 1946 ein skiferodd. Etter dette må ein tru at her har levt folk alt i steinalderen. Elles har det vore fleire gravrøyser og merke etter utbrende graver på garden. Sjå Sykkylven i eldre tid I, s. 64 - 65. Tjønes har knapt lege øyde etter Svartedauden. I tiendepenninglista frå 1520 er det nemnt ein brukar på garden, Elling Tyuenes, som la 2½ lodd sylv i skatt. Først på 1600-talet var det 5 bruk, i 1626 var dei nemnt berre 4 brukarar i skattelista, men seinare vart det 5 att til det i 1640-åra vart 6 då eit mindre bruk, seinare kalla Heljegjerdet, vart lagt ut. Dette bruket vart i 1830-åra slege saman med bnr. I. Larsbruket. I 1866 vart Guleikbruket bnr. 3 delt, og det kom eit nytt bruk, Amund-bruket, bnr. 5. I 1840-åra kom første husmannsplassen, Karlplassen, bnr. 9, og seinare vart det fleire. Desse plassane låg innafor garden, nærare bytet mot Tandstad. På dette feltet er det i seinare år kome opp mange nye hus.

Tjønes var småbytt til 1832 då det vart halde jordskifte over «Gaardens Ager og Bøemark», med overskyn i 1834. Seinare har det vore skifte av innmarka i 1860 og 1928 då bruka vart utlagde slik ein finn dei i dag. Gamleåkrane låg frå gamletunet og ned over bakkane. Rasmusbruket hadde Storåkeren inn og nedfor Berget, Åmundbruket hadde ein på «Øggjinje» eller Nøbba nedfor huset, og Larsbruket hadde m.a. ein åker ovafor løa, og denne åkeren vart kalla «Langeåkeren». På Sjurbruket låg Reiteåkeren, Itlereitåkeren, Rongen og Fothaugåkeren. Tjønes vart rekna som ein god korngard, og åkrane mognast tidleg i desse solbakkane.

Tust og skeidd var i bruk til 1860 - 70-åra, og noko lenger på husmannsplassane. Truskehjula stod ovafor husa i gamletunet, og vatnet tok dei frå Storegrova og Snegotgrova som kjem frå Kamben ovafor garden. Til vanleg var det i minste laget med vatn i desse grøvene, slik at ein måtte passe på å truske i regnver. Likevel vart det stundom strid om truskevatnet på garden. I 1870 var det såleis ein tvist mellom eit par grannar, men det kom til semje i Forlikskommisjonen. Ein gong ein av tjøneskarane hadde vorte høgrøsta og tala seg varm over at andre hadde misbrukt vatnet, vart han gripen i nakken og sett inn under stem-

mefossen. Der fekk han avkjøling. Åmundbruket og Brautebruket som lenge hadde løe i lag frå den tid det var eitt bruk (Guleikbruket), hadde truskehjulet sitt øvst. Dette bruket nytta også ofte hesten til å drage truskemaskinen. Hesten gjekk rundt og rundt eit stort hjul med snor til løa (hestevandring). Rasmusgarden hadde sitt truskehjul litt nadafor Åmundhjulet, og nedst stod Lars-hjulet. Larsfolket kjøpte seg elles part i ein parafinmotor seinare. Då den elektriske krafta kom i 1918, vart det etter kvart slutt med vasshjula, og gardbrukarane gjekk over til å bruke motor.

I 1700-åra var det to kvernar på Tjønes, seinare var det fire. Det stod ved Vikeelva. På Vik si side stod Rasmuskverna, og litt lenger oppe, ved gamlebrua, var Larskverna. På Blindheim si side stod Syverkverna, og dessutan Guleikkverna og Sjurkverna som hadde kvernhus i hop. Desse kvernane stod nedanfor sommarfjøsane. Ei av Tjøneskvernane hadde ord på seg for å male grovt. Larentze-Petter på Blindheim kalla henne ei purke. Kvernane var i bra stand til verdskrigen slutta i 1918. Sidan kom dei etter kvart ut or bruk.

Gamletunet låg på lægda om lag der Rasmushusa no står med stovehusa og løene i ein krull. Frå tunet gjekk det geil til utmarka for buskapen. I jordskiftet frå 1832 heiter det at «det er en selvfølge, at enhver af opsidderne beholdt deres hus hvor de nu står». Men det ser ut til at Sjurbruket likevel kort tid seinare flytte ut, og sette opp att stove og løe eit stykke lenger sør. Larsbruket flytte ut sist. Det var etter jordskiftet i 1928. Sjå bnr. 1. Tuna til husmannsplassane på garden har heile tida lege for seg sjølv i lia sør for gamletunet.

Tjønes har utmarka si nord for garden med heimeutmarka nedst og setreutmarka lenger nord bak Kamben. Her har Tjønes hamnegang for buskapen sin. Hamna var «god i enhver henseende» heiter det i matrikkelførearbeidet frå 1864, men i den siste mannsalderen har hamna etter kvart grodd nokså sterkt att med skog, og beitet har vorte skralare. Buskapane frå Blindheim og Tjønes hadde då mjølkarstaden sin på Reiten på Blindheimsbakkane. Reiten var gjerd inne, og her gjekk buskapen om natta. I 1897 vart grensa mellom utmarka til Tjønes og Blindheim gått opp, med overskyn i 1900. Nokre av brukarane på Tjønes sette seinare opp sommarfjøsar ovafor Sjurhusa og mjølka dyra sine her om somrane. Resten av garden tok dyra heim om natta.

Ved jonsokleitet slepte dei dyra på setra. Ho ligg bak Kamben, ca. 2 km. frå gardane som har sams setreveg med Blindheim, Tjønnessetra var fram til 1905 delt i to stølar. Øvstestølen og Pegjerdet. På Øvstestølen stod sela til Sjurbruket, Rasmusbruket og Guleik-bruket. Pegjerdet låg lenger nede, og her stod sela til Larsbruket og Syverbruket. I 1905 flytte dei sela frå Øvstestølen og sette dei opp att lenger nede i lia ved vegskiftet. Noko seinare flytte dei også sela på Pe-gjerdet til Vegskiftet som no har fått namnet Tjønnessetra. Opphaldet på setra varde i 10 - 12 veker etter som veret var. Setra var i bruk til 1960-åra.

Tjønnes har skogteigane sine både i heimeutmarka og i setreutmarka. I setreutmarka er det ein del fureskog, serleg i Liene. Elles har garden bra med bjerk og annan lauvskog. Det er også planta ein del gran både i setreutmarka og i heimeutmarka. Fremst i setreutmarka mot Tandstadbyttet hadde garden torvtak. Staden ber framleis namnet Torvet. I 1959 var det jordskifte over heile utmarka som no er utlagd til eigedoms grunn.

Jordbruk og husdyrbruk har vore viktigaste næringsgrunnlaget også på denne garden fram til 1940-åra då industrien etter kvart tok over. Jordskiftet i 1860 gjorde mykje for å få bort teigblandinga som var att frå 1832, og dette fekk mykje å seie for jorddyrkinga. Etter at meieria kom i verksemd i 1890-åra og folk la seg meir etter mjølkeproduksjon, kom det serleg fart i dyrkinga som fekk eit nytt oppsving under verdskrigen 1914 - 1918. Garden hadde jordbrytarlag saman med Blindheim og Vik, og 12 - 14 mann var i verksemd opp til eit par dagar for veka både vår og haust. Laget braut ein dag hjå kvar av medlemene. Mjølka si leverte dei til meieriet på Vik så lenge det gjekk, og frå 1894 til meieriet ved Aure bru. Då det stogga ca. 1907, byrja Tjønnes å sende mjølka si til Ålesund.

Skogen har sikkert også spela ei rolle for næringsgrunnlaget, serleg i tida rundt 1600. (Sjå Vik og Blindheim). I denne tida hadde dei også flaumsag som høyrde til garden. Ingen veit noko om kvar saga har stått, men truleg har det vore ved Vikeelva, der Tjønnes etter gamalt må ha hatt visse vassrettar, for kvernhusa stod også der. Først på 1600-talet skar dei 30 - 40 tylfter bord. årleg på denne saga, men etter 1620 høyrer ein ikkje noko meir om henne.

Tjønnes ligg lagleg til ved sjøen, og fisket har vore viktig for matberginga ned gjennom tida. I jordskiftet i 1832 er det gjort vedtak

*Stemne på Velle i 1915.*

*I 1. rekke frå venstre: Karl Nakkeberg, Laurits Brunstad, Nils Brunstad, Peter Fet, Petter O.Velle, Severin Velle, Jens J. Velle.*

*I 2. rekke frå venstre: Ole Hjorthol, Ole Peter Velle, Peder H. Brunstad, Anton J. Brunstad, ukjent kven som står bakom, Iver O. Fet, Andreas Løddøen, Ole Drotning-haug, Sigvart Fet, Oluf Hole, Petter Hole, Petter Lade, Ole H. Brudevoll, lærar Overå, Laurits Fet, Ole Bastian Lade, Knut Lade, Ole L. Velle, Sigurd Drabløs, lærar Lyshol, Karl C. Brunstad, Sigvart Velle, Sverre Brunstad, Petter P. Velle, (framom) Konrad Fet, Petter O. Velle, Hans Hole Drotninghaug,*

om «at i fald og naar sild på Tynnes grund skal stænges eller fiskes, skal enhver opsidder være lige berettiget til den deraf faldende landslod.» Var fjorden attfrosen om vintrane når torsken seig inn på Auredjupet, drog tjøneskarane båtane sine over isen for å ta del i fisket. Elles dreiv mange fiske i Borgundfjorden, og dei likaste var også med på havfisket. Dei stasjonerte då serleg på Godøya og Vigra.

I 1930-åra då industrireisinga i bygda skaut fart, vart det fleire og fleire av dei unge som søkte arbeid på fabrikkane. På Tjønes starta B. R. Tynes (bnr. 16 og 10) møbelfabrikk i 1927. Johan P. Tynes (bnr. 6) byrja med trevarefabrikk i 1931, og Andreas Riksheim (Tjønes bnr. 10) hadde korgmakarverkstad. Brørne Leonhard og Olav Hole (Tjønes bnr. 11) saman med verbroren Ingvald Lillebøe byrja med fabrikk i 1947. Sjø Blindheim bnr. 67. Dei aller fleste brukarane på Tjønes arbeider no full dag på fabrikkane og driv garden i fritida. Buskapane har minka. Somme har 2 - 3 mjølkekyr, andre berre sauer og nokre kalvar til slakt. Mange nye tomter har vorte utskilde frå bruka dei siste 20 åra, og nye hus kjem opp på garden. I 1907 var det 7 bruksnummer på Tjønes, i 1947 var det 28, og i 1961 var talet 40.

#### MATRIKKELLGARDEN.

Tjønes vart i gamal tid rekna som halvgard, og skylda var 4 våger fiskeleige i 1626. Frå 1666 vart skylda auka til 4 våger 18 mrk. I 1838 fekk garden ny skyld, 10 dlr. 2 ort og 20 skl., rev. 1890 til 19,51 skyldmark.

Leidangen var 2 geitskinn 5 kalvskinn i 1600-åra. I 1705 var leidangen 3 ort og 16 skl. Tienda var i 1666 5 t. havre og 2 pd. 8 mrk. Ost. I 1717 hadde tienda auka til 5½ t. havre og 2 pd. 8 mrk. ost, eller 84 skl.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN

1603: Då er der 5 mann.

1626: 4 mann. Sånaden 9½ t. korn.

1666: 6 mann. Sår 15 t., avlar 50 t. Kan fø 4 hestar og 44 naut.

Brennefang.

1717: 6 mann. Sår 15 t. havre, avlar 55 t. Kan fø 36 naut og 4 hestar

Brennefang.

- 1724: 6 mann. Sår  $\frac{5}{8}$  t. bygg og 14 t. havre. Avlar 3 t. bygg og 50 t. havre. Brennefang og litt annan skog. Seter  $\frac{1}{4}$  mil frå garden. Tungvunnen til høy, viss til korn. 2 små kvernar.
- 1802: 6 mann. Til garden høyrer ein del fureskog til husvøling, og noko anna skog til turvande brennefang. Sommarbeite til buskapen i heimeutmarka og på setra.
- 1864: Hamnegangen til buskapen er god på alle måtar, og garden har skog til husbruk, kan selje litt bjerk. Garden er lettbrukt.
- 1875: 9 mann. Fôrar 3 hestar 4 unghestar, 44 kyr, 18 ungdyr, 86 sauer, 33 geiter og 3 svin. Sånaden er  $15\frac{1}{2}$  t. bl.korn, 30 t. havre og 28 t. poteter.

#### EIGARAR.

På 1100-talet høyrde Tjønes til ein rik og mektig mann på Straumsheim, Heden Karlson. Sjå under Straumsheim. Seinare vart garden herremannsgods og kyrkjegods. Først på 1600-talet var det etter måten velstand mellom brukarane på Tjønes, og fleire av dei åtte jord. Men det er ikkje heilt visst om det var partar av sine eigne bruk dei åtte. I ei serstode står Larsbruket, bnr. 1. Her har det stort sett vore sjølveigarar i det minste frå midten av 1600-åra og heilt fram til notida. Elles har Tjønes vore delt mellom fleire eigarar. I 1661 åtte såleis ervingane etter ein Paul Vik 2 mællag, Arne (Anne i 1664) åtte  $\frac{1}{2}$  mællag, Sykkylven kyrkje  $\frac{1}{2}$  mællag, Jakobs ervingar i Larsgarden  $3\frac{1}{2}$  mællag, og Christen Jensen Hegelund, prest i Ørskog, åtte  $9\frac{1}{2}$  mællag. Då han åtte mest, rådde han også for bygselen. I 1672 har Hegelund truleg teke over Arne (Anne) sin part, for no åtte Hegelund 10 mællag, og Arne er ikkje nemnd. Ørskogpresten sin lut av Tjønes gjekk i 1690-åra ved arv over til Jens Pedersen Bantz bil i Hjørundfjord gjennom Jens si kone, Anna Pedersdtr. I 1709 måtte sonen Jakob Jensen pantsetje eigedomen i Tjønes til Jørgen Hansen Høeg, fullmektig hjå sorenskrivar Castberg og handelsmann i Vegsund. Det gjekk slik at Høeg tok over denne eigedomen som no vart rekna til 2 våger 3 mællag.

Parten på 2 mællag som ervingane etter Paul Vik hadde ått i 1661, var i 1680 komen over til Rasmus Roppen (Rapen) i Ulstein skipreie. Han selde seinare til Jørgen Høeg som åtte i alt 3 våger 18 mrk. I



Tjønnes då han døydde i 1737. Enkja hans, Elisabet Knutsdtr. f. Vik, Ørsta, og sonen Knut Jørgensen Høeg, som seinare budde i Sykkylven og døydde på Vik i 1771, ervde gardparten i Tjønnes. Ein del av Elisabet sin arv gjekk visstnok over til Hans Jakob Mechlenborg som var gift med sonedotter til Elisabet og Jørgen Høeg, Anne Iversdtr. Bagge Høeg. Knut Jørgensen Høeg gifte seg med enkja etter Paul Olsen Abelset, Elisabet Marie f. Brandal, og ved samfrendeskifte etter henne i 1791, ervde Elisabet Marie Jørgensdtr. Abelset 2 våger 1 pd. 23½ mrk. i Tjønnes. Ho var g.1. m. fogden Ramshart, g.2. m. kaptein Johan Ernst von Halle på Langskipsøy. Han selde jordeigedomen på Tjønnes til oppsitjarane. Sjå om dette under Brukarar.

#### BRUKARAR.

LARSGARDEN bnr. 1,

*Rasmus Olsen br. 15.—ca. 1626.*

Han åtte i 1604 4 mællag jord med enkja på bnr. 7 på Tjønnes. Rasmus la 1½ mællag i tiende i 1620, og hadde det største bruket på garden.

*Jakob Larssen Eidem frå bruk A (f. ca. 1640, d. 1721).*

Han åtte 2 mællag jordegods i 1636 og la 1½ mællag i tiende i 1632. I 1653 vart Jakob meld av Henning Hansen Smith for 3 tylfter bord som Jakob var skuldig Anders Hansen i Hanken, Henning sin tenar. Jakob møtte ikkje i retten. Grannane hans sa at han var svak. Jakob vart dømd til å betale. I 1658 skatta Jakob av 1 hest, 6 kyr, 2 geiter, 8 sauer og 1 okse. Jakob åtte 3½. mællag av bruket sitt då han døydde ca. 1660.

*Ole br. ca. 1600 ca. 1665.*

*Jakob Larssen (f. ca. 1640, d. 1721).*

Br. ca. 1665 - ca. 1703.

Han skatta av 4 mællag i 1666, seinare av 4 mællag 14½ mrk. Av dette åtte Jakob sjølv 3½ mællag i 1700. I 1716, truleg etter arveskifte løyste Jakob Larssen og sonen Lars attende jordegodset som no var 3½ mællag 3½ mrk. etter skøyte frå Helge Larssen Vik (Bnr. 1), Ole Larssen Eidem og Ole Pedersen Løset. (Mor til Ole Pedersen, Sigrid Larsdtr. var syster til Jakob Larssen Tjønnes). Son til Jakob hadde no teke over bruket. Det var

*Lars Jakobsen Tjønes* (f. ca. 1675, d. 1737).

Br. ca. 1703 - 1737.

Lars skatta av eit bruk på 1 våg 14½ mrk. slik far hans hadde gjort, og gjennom arv og kjøp vart Lars eigar av 3½ mællag av dette bruket. Såleis løyste han ut 15¾ mark. fiskel. av bror sin, Iver Jakobsen Hildre, i 1724. (Sjå også om føregåande brukar og kjøpet i 1716.) Lars var lagrettemann. Han var enkjemann i 1711, gift att med Sidsel Knutsdr., kanskje frå bruk B på Aure. Ho gifte seg att som enkje i 1741 med Bendik Sjursen Glomset og flytte til Glomset. I skiftet etter Lars Jakobsen i 1738 fekk enkja Sidsel utl. 1½ mællag av bruket, og borna Inger g.m. Ole Olsen Haugset f. Velle. Marte og Sidsel fekk kvar ⅔ mællag.

Etter Lars Jakobsen kom versonen

*Nils Jonsen Raten* frå Norddal (f. ca. 1706, d. 1744) g. 1739 m. Marte Larsdr. Tjønes (f. ca. 1716, d. 1767).

Br. 1739 - 1745.

Nils Jonsen voks opp i Viken (Fjøra). Sjå Ættebok for Norddal, s. 438, og Stranda Bygdebok III, s. 22. Han dreiv bondehandel. Kona hans, Marte, hadde ervt ⅔ mællag av bruket på Tjønes. Av vermor si, Sidsel Knutsdr. kjøpte Nils 1½ mællag i 1739, dessutan ⅔ mællag av verbroren Ole Olsen Haugset, ⅔ mællag av Sidsel Larsdr. Tjønes, og 7 fjerdingslaug av Jakob Iversen Hildre som var son til Iver Jakobsen Hildre f. Tjønes. Enkja Marte Larsdr. gifte seg att i 1745 med

*Ole Eriksen Svartebekk* (f. ca. 1713, d. 1790).

Br. 1745 - ca. 1772, sidan saman med sonen.

Marte Larsdr. fekk utlagt 1 mællag 13½ mark av bruket i skiftet etter førstemannen Nils Jonsen i 1745. Den andre halvparten fekk sonen Jon Nilssen i arv, men han døydde 1747 berre 7½ år gamal. Halvsyster hans, Dorte Olsdr., ervde han, og fekk i 1740 eigedomsretten til 1 mællag 14½ mrk. i bruket. Men det var vel Ole Eriksen som i gagnet sat som eigar av storparten av garden og brukar av heile garden. Den resten han ikkje åtte, 1 mællag, bygsla han i 1745 av Knut Høeg. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Ole Eriksen bondehandel og åtte ei jakt på «9 à 10 læsters Drægtighed» samman med Lars Pihl, Ole Pedersen Aure og Mons Jørgensen Vik.

I skiftet etter Marte Larsdr. i 1767 synte buet ei brutto eige på 242 rdl. og ein gjeld på 12 rdl. Ole ervde m.a. 1 pd. 7½ mrk. av

jordegodset, verdsett til 21 rdl. Elles er det nemnt i skiftet m.a. ei borse og ein kårde, verdsett til 1 rdl, og ei smie med reiskapar verdsett til 22 rdl.

Ole Eriksen hadde 6 born som levde opp, av dei vart Dorte Olsdtr. g.m. Ole Knutsen Midtgård. Ho hadde som nemnt i 1749 ervt halvbroren sin part i garden. Denne gardparten ser ut til å vere komen over i Hans Mechlenborg si eige i 1774. Dessutan hadde Ole Eriksen sonen Ole. Han var vanfør, men freista å livberge seg som skreddar. I 1787 heiter det om han at han «endnu ikke har lært så meget av skredderfaget at han dermed kan ernære sig.» Han lærde nok faget med åra, og døydde som ugift skreddar 75 år gamal i 1831.

Etter Ole Eriksen tok eldste sonen over garden. Det var

*Lars Olsen Tjønes* (f. 1747, d. 1810) g. 1772 m. Berte Pedersdtr. Fet frå Pål garden bnr. 4 (f. 1744, d. 1810).

Br. 1772 - 1805.

Lars løyste i 1775 ut 9 mrk. fiskeleige av jordparten som Hans Mechlenborg hadde fått tak i. Året etter løyste han ut far sin og dei 5 syskena sine, til saman 2 mællag 2 mrk. fiskeleige. Det stod att 1 mællag å løyse frå buet etter far hans som døydde i 1790, og dette mællaget løyste Lars ut frå bror sin, skreddaren Ole Olsen, i 1794 for 10 rdl. Lars Olsen åtte no tilsaman 4 mællag 5½ mrk. av bruket sitt, Sykkylven kyrkje åtte resten, 9 mrk.

I 1802 fødte Lars 1 hest, 10 storfe, 20 småfe og sådde 4 t. havre og ½ t. bl.korn. Garden vart driven av 7 menneske og vart verdsett til 218 rdl.

Son til Lars tok over bruket.

*Ole Larssen Tjønes* (f. 1776, d. 1822) g. 1807 m. Gjertrud Pedersdtr. Strømme (f. 1784, d. 1837).

Br. 1 våg 14½ mrk. fiskel 1805 - 1822.

Ole Larssen fekk skøyte på 1 våg 5½ mrk. fiskel. frå far sin i 1805 for 100 rdl. og kår. Resten av bruket, 9 mrk. fiskel., bygsla han av Sykkylven kyrkje. I 1810 fekk han 5 rdl. i premi frå Søndmøre Landhusholdningsselskab for ein steinfjøs han hadde bygt. Frå 1798 hadde Ole Larssen også vore skulemeister. Prost Baade fann han «saa vel oplyst i de fornødneste kundskaber som af en landsbyskoleholder kunde efter omstendighederne udføres at han til denne tjeneste kan eragtes bekvæm». (Sykk. i eldre tid I, s. 339). Ole Larssen var også kyrkjeverje. Då kornmagasinet for Sykkylven vart skipa i 1815, vart Ole Larssen vald til «forvaltar».

Frå 1814 var han stemnevitne. Han og eit par andre karar fekk mulkt i 1814 for å ha handla ulovleg med bergenssskipperane Elias Jetmundsen og Rasmus Jørgensen. I 1813 kjøpte han ein plass på 9½ mrk. fiskel. av Ole Pedersen Tjønes for 40 rbd. Bruket fekk med dette auka skylda si til 1 våg 1 pd. fiskel. Enkja etter Ole Larssen gifte seg att i 1823 med

*Christen Jonsen Straumsheim* (f. 1797, d. 1881) g. 2. 1843 m. Olave *Petrine* Olsdtr. Haugset frå Reiten bnr. 1 (f. 1808, d. 1894).  
Br. 1823 - 1840.

Førstekona til Christen, Gjertrud Pedersdtr., fekk halvdelen av bruket etter Ole Larssen i 1822 for 250 spd. Dei fem borna deira ervde den andre halvparten. Då Gjertrud døydde i 1837, vart det skifte på nytt. Ho hadde born også i andre ekteskapet. Christen Jonsen åtte såleis ein del av bruket, og bygsla resten. Han la av eiden til konstitusjonen og fekk stemmerett i 1829, og er same året lagrettemann. Han var skrivekunnig. I 1832 vart det skifte av åker og bømark på Tjønes, med overskyn i 1834. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 1 våg 1 pd. endra til 3 dlr. 1 ort og 9 skl. Frå 1840 gjekk Christen Jonsen over på kår etter at skynsretten med overskyn same året hadde fastsett kor stort kår Christen hadde krav på.

Son til Ole Larssen og Gjertrud Pedersdtr. tok over bruket etter Christen. Det var

*Peter Olsen Tjønes* (f. 1812, d. 1867) g. 1839 m. Karen Olave Jensdtr. Strømmegjerde (f. 1822, d. 1903).  
Br. 1840 - 1868.

Peter Olsen fødte i 1845 1 hest, 9 kyr, 14 sauer, 9 geiter og 1 gris. Sånaden var 1 t. bygg, 2 t. bl.korn, 3 t. havre og 2 t. poteter. I 1865 var bruket på 35 mål åker og dyrka eng og 66 mål naturleg england. Buskapen hadde no auka til 2 hestar, 14 kyr, 20 sauer, 8 geiter og 1 gris. Sånaden var ½ t. bygg, 3 t. bl.korn, 5 t. havre og 3 t. poteter.

Enkja Karen Olave Jensdtr. gifte seg att med Hans Rasmus Nilssen Furstrand, (f. ca. 1839) seinare gift til Blakstad.

Etter Peder Olsen og Karen Olave Jensdtr. kom sonen

*Jens Gregorius Petersen Tjønes* (f. 1842, d. 1915) g. 1867 m. Lovise Berntsdtr. Hundeide (f. 1848, d. 1899). Br. 1868 - 1894.

Born: Karen f. 1869 g. på bruket. Berte Oline f. 1871 g.m. Ole Severin Olsen Brunstad i Tøstengarden. Kristiane f. 1874, g.m. Per Aarset, lærar på Kolbotn. Jakobine f. 1878 g. m. Johan P. Ekornes.

Jens Petersen fekk utlagt halvparten av bruket for 600 spd. i skiftet etter far sin i 1868. I 1874 fekk han skøyte frå mor si på den andre halvparten for 600 spd. Han la to kår. For stykfar sin og mor si, Hans Nilssen og Karen Jensdtr., fødde han såleis 3 kyr, 1 ungdyr, 6 sauer, og for gamle Christen Jonsen og Petrine Olsdtr. som budde i gamlestova, fødde han 2 kyr, 5 sauer og 1 geit. Jens sjølv hadde i 1875 1 vaksen hest, 1 unghest, 7 kyr, 6 ungfe, 12 sauer og 8 geiter. Sånaden på bruket var no 5 t. bl.korn, 6 t. havre og 7 t. poteter.

Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda, 3 dlr. 1 ort 9 skl. revidert til 6,15 skyldmark.

Jens Petersen Tjønes dreiv også fiske. Han åtte ein trerøring som han heldt ute saman med andre. I seinare år overlét Jens denne trerøringen til versonen Johan P. Ekornes. saman med broren Karl «ripa» Johan opp (bygde opp) trerøringen med tre omfar, la dekk i han, bygde lugar framme for 10 - 12 personar, monterte ein 4 HK. Alfa motor i båten, og sette han i dagrute Ikornnes - Aure - Ålesund. Det var i 1906. Det var den første rutebåten som gjekk dagleg rute Sykkylven - Ålesund.

Versonen

*Rasmus Sivertsen Tynes* frå Sjurgarden bnr. 2 (f. 1858, d. 1940) g. 1890 m. Karen Jensdtr. Tynes (f. 1869, d. 1959).

Br. 1894 - 1939.

Born: Jens f. 1895, g. på bruket. Petter f. 1897, d. 1963. Utvs. nr. 960. Lovise f. 1899 g.m. Johan Karlsen Eidem. Sjå Aure bnr. 19. Severin f. 1901. Utvs. nr. 961. Inga f. 1906 g. 1942 m. Olav R. Framhus frå Stranda. Professor. Bernhard f. 1909 g.m. Jenny Solheim. Sjå Tjønes bnr. 19.

Rasmus og Karen hadde baa vore i USA før dei tok over bruket på Tjønes. Sjå utvs. nr. 964 og 934. Skøyte frå Jens Petersen til Rasmus Sivertsen for 4.850 kroner i 1894. Kår. Han dyrka ein heil del jord, serleg gjorde han mykje med den sørlege delen av bruket som låg i Tjønesstranda. I 1930- åra fødde Rasmus 12 mjølkekyr, hest og 20 sauer på bruket.

Rasmus var også bygningsmann, og var mykje ute på dagarbeid i sommarhalvåret. Vintrane dreiv han fiskja. Han bygde nytt stovehus i

Larsgarden i 1914. Materialen dreiv han fram frå eigen skog i Vikedalen. Etter tradisjonen var det Rasmus Sivertsen Tynes som kom til bygda med det første vekkjaruret. Han hadde det med heim frå USA, og folk bisna på dette uret som Rasmus kunne få til å ringje kva tid han ville.

Son til Rasmus og Karen tok over bruket. Det var

*Jens Rasmussen Tynes»* f. 1895 g. 1937 m. Åsta Andreasdr. Solberg frå Brudevoll f. 1903.

Br. frå 1939.

Born: Karen f. 1938 studenf g. 1958 m. Rolf Lund frå Salangsdalen i Bardu. Reidar Arne f. 1941, har teke over bruket. Anna Kirsti f. 1943, student, reiseleiar, g. 1973 m. kirurg Mario Trolles frå Peru, busett p.t. i Barcelona, Spania. Åse f. 1945, kontordame.

Jens Rasmussen Tynes var i USA frå 1915 til 1927. Utvs. nr. 958. Han fekk skøyte frå far sin på Larsgarden i 1939, men i røynda hadde Jens vore med på gardsdrifta frå han kom heim frå USA i 1927. Etter jordskiftet på Tjønes i 1928 fekk Larsfolket bruket sitt ned mot sjøen med bytet på langs ut og inn, og dei måtte då flytte ut frå gamletunet. Jens Rasmussen med faren bygde først ny løe ca. 1931 i det nye tunet som låg ned mot riksvegen. Året etter flytte dei stovehuset. Dei drog det på rullar ned dei bratte bakkane frå gamletunet til dei nye murane. Alle bisna på denne husflyttinga. Få trudde det kom til å gå bra i denne bratta. Men alt klaffa.

Jens og Åsta Tynes har lagt ned mykje arbeid med bruket. I fleire år dreiv dei også Sjurbruket på Tjønes i tillegg til Larsbruket, og dei hadde ein stor buskap. Jens Tynes har også brote ein del jord, m.a. Bøen, eit stykke ovafor det nye tunet deira, og dessutan stykket i Grønvika mellom sjøen og riksvegen. Jens har også sett att ei open grov som gjekk ned over bruket. Denne grova vart elles nytta som gjødselveite frå gamletunet i eldre tid. I Tjønesstranda har han rydda kulturbeite.

Ned gjennom tida har Jens Tynes hatt fleire kommunale tillitsyrke. Han har også vore medlem i forstandarskapet til Sykkylven Sparebank frå 1936, og formann frå 1954.

Sonen har no fått skøyte på bruket. Det er

*Reidar Arne Jenssen Tynes* f. 1941 g. 1970 m. Linda Spregue frå Seattle, USA, f. 1940.

Han reiste til USA i 1963 og dreiv fiske. Mellom sesongane arbeider

han som bygningsmann. Han har vore heime fleire gonger sidan han reiste. Det er foreldra hans som framleis driv bruket på Tjønes. Dei slutta med mjølkeproduksjon i 1974, og har no berre fôringsdyr, 7 - 8 storfe og 6 - 7 sauer.

## HELJEGJERDET

vart namnet på eit bruk på 9½ mrk. som Ole Larssen Tjønes kjøpte i 1813 og la inn under Larsbruket bnr. 1.

Knut skatta av ½ mællag ca. 1640 - ca. 1680.

*Simen* f. ca. 1653 hadde bruket til ca. 1711.

Han var gift med Berte Jakobsdtr. Heggebakk d. 1715, og dei hadde sonen Jørgen som seinare tok over bruk på Ørsnes. Berte Jakobsdtr. gifte seg att med

*Lars Størkersen*, br. 1711- ca. 1740.

Skiftebuet etter Berte hadde ei eige på 13 rdl. og ein gjeld på 10 rdl. Lars gifte seg 2. m. Margrete Tostensdtr. (f. ca. 1687, d. 1727) g.3. 1727 m. Marte Serkvesdtr. (f. ca. 1671, d. 1751). Lars Størkersen fekk bygselsetel på ½ mællag frå Jørgen Høeg i 1711.

Etter Lars kom

*Paul Jørgensen Vik* frå Lånagarden (f. ca. 1718 d. 1783) g. 1740 m. Marte Jonsdtr. Velle (f. ca. 1712, d. 1789).

Br. 1746 - 1787.

I 1774 åtte Paul 1 pd. 21 mrk. jordegods på Lade. Skiftebuet etter han synte ei brutto eige på 123 rdl. og ein gjeld på 41 rdl.

Enkja Marte Jonsdtr. gifte seg att i 1784 med

*Helge Larssen Vik* frå Heljegarden (f. 1728, d. 1797). Han var først gift i 1774 med Ingeborg Knutsdtr. Etter at andrekona Marte var død, gifte Helge seg 3.g. 1790 m. Johanne Sæmundsdtr. Dravlaus (f. 1745, d. 1818).

Br. 1784 - 1798.

I 1787 løyste Helge ut bruket sitt på 9 mrk. av Tonning jnr. for 28 rdl. Dette bruket fekk no namnet Heljegjerdet. Skiftebuet etter Helge i 1797 synte ei brutto eige på 141 rdl., og ein gjeld på 73 rdl. Enkja Johanne Sæmundsdtr. gifte seg att i 1798 med

*Ole Pedersen Tjønes* (f. ca. 1749, d. 1832) Han er truleg frå Guleikgarden bnr. 3.

Br. 1798 - 1830.

Ole løyste ut Heljegarden av Helge Larssen sine ervingar og vart sjølveigar frå 1800. I 1813 selde han bruket som no vart rekna til

9½ mrk. til Ole Larsen Tjønes, men han vart sitjande på byksel til ca. 1830. I 1827 la han 12 mrk. havre i tidende, 1 skl. i ostetiende og 4 skl. i fisketidende. Ole Pedersen døydde som kårmann i 1832, og Heljegjerdet vart slege saman med Larsbruket, bnr. 1

#### FESTETOMTER UNDER LARSBRUKET. Bnr. 1

*Alf Sandanger* frå Sande f. 1912 g 1942 m. Oddlaug Anete Johansen frå Ballangen f. 1919 bygde hus i 1946.

Born: Arnhild f. 1942. Rolf f. 1944. Jarle Gunnar f. 1947. Grete Anne f. 1952.

Harald Johansen frå Grebstad bnr. 41 f. 1910 g. 1939 m. Borghild Mathiasdtr. Knotten frå Ulsteinvik f. 1921, bygsla denne tomte av Jens Tynes i 1951 og bygde hus i 1953. Han arbeider i industrien.

Born: Einar f. 1942, student, programerar i E.D.B. Svein f. 1944. g.m. Reidun Hatlehol frå Vatne. Marit f. 1947. Bjørn f. 1953

*Dagfinn Bergersen Løken* frå Olden f. 1934 g. 1954 m. Palma Bjarnesdtr. Helset frå Vestnes f. 1935, bygsla tomte i 1964 og bygde hus i 1965. Han arbeider i industrien.

Born: Svein Bodvar f. 1955. Gerd Bodil f. 1957. Randi f. 1962. Kristin f. 1966.

*Jan Fjællingsdal* frå Bremsnes f. 1931 g. m. Klara Jonetta Falk frå Brattvær f. 1931, bygde hus i 1964.

Born: Eli f. 1957. Jan f. 1959. Kjell f. 1963. Olav f. 1965.

*Einar Oddvar Sørensen* frå Bø i Vestrålen, f. 1936 g 1961 m Eva Lovise Sverresdtr. Tynes frå Blindheim bnr. 23 f. 1940, bygde hus i 1966. Han er bygningssnekker.

Born: Eldrid f. 1961. Birger f. 1962. Ingjerd f. 1964. Anna Marie f. 1967.



Sjurgarden bnr. 2.

*Henrik* br. 15.. ---ca. 1606.

Han åtte i 1603 4 mællag jordegods.

*Lars* er nemnd som brukar i 1606.

*Einar Pedersen Tjønes* br. Ca. 1608 - ca. 1633.

Han var utskriven som soldat i 1611. Han åtte ½ mællag jord i 1610 og 2½ mællag i 1626. Etter Einar sat enkja med bruket nokre år.

*Askjel* er nemnt på dette bruket i 1648. Han er 70 år i 1666 og er då oppført som husmann på Tjønes. Mest truleg har han vore kårmann.

*Elling Toresen* (f. ca. 1626, d. ca. 1680).

Br. 3 mællag frå ca. 1655 til ca. 1680.

I 1669 vart Elling og Anders Tjønes saman med Ole Toresen Dravlaus melde av fenrik Peder Lauritsen fordi dei nekta å skysse han til kaptein for å høyre ordren frå obersten. Elling og Anders hevda at dei ikkje var heime ved husa då dei fekk boda, og dei vart frikjende.

*Tore Tjønes*, truleg son til Elling Toresen. Tore var 2 år gamal i 1666.

Br. Ca. 1680 - 1709.

I 1701 heiter det om Tore at han var svak. Han hadde då ein dreng son heitte askjell, 36 år gamal.

*Bendik Jonsen Høgset* frå Pål garden (f. ca. 1671, d. 1721) g.m. Guri Tostendtr. Velle, d. 1710. Ho var i slekt md dei to føregåande brukarane. Bendik gifte seg att med Ingeborg Larsdtr., truleg frå Vik. (f. ca. 1683, d. 1746).

Br. 1709 - 1723

Bendik fekk bykselsetel i 1709 på 3 mællag frå Jacob Brandzbil, og året etter byksla han ½ mællag av Jørgen Høeg som hadde teke over Brandzbil sitt jordegods på Tjønes. Nytt festebrev til Bendik Jonsen på 3½ mællag i 1720 frå Jørgen Høeg. Buet etter Bendik synte ei brutto eige på 92 rdl., og ei gjeld på 3 rdl. ved skiftet i 1721.

Enkja Ingeborg Larsdtr. gifte seg att i 1723 med

*Gregorius Olsen* (f. ca. 1694, d. 1767).

Br. 1723 - 1748

Gregorius var truleg frå Brunstad. Han var tremenning med Ingeborg Larsdtr., og dei hadde kongeleg løyve til å gifte seg,

dat. Fredriksborg slott 5/12,1721. Gregorius fekk bygselbrev på 3 mællag 14¼ mrk. frå Jørgen Høeg i 1723.

Sonen

*Bendik Gregoriussen Tjønes* (f. 1724, d. 1791) g. 1747 m. Kari Larsdtr. Hole (f. 1723, d. 1788).

Br. 1748 - 1775.

Bygsdsetel i 1748 frå Knut Høeg til Bendik Gregoriussen på 3 mællag 12 ¼ mrk. Bendik var lagrettemann. Skiftet etter Kari Larsdtr. i 1788 synte ei brutto eige på 83 rdl. og ein gjeld på 68 rdl.

Versonen

*Peder Anderssen Lade* (f. 1746, d. 1788) g. 1775 m. Kari Bendiksdtr. Tjønes (f. 1748, d. 1788).

Br. 1775 - 1788.

Peder Anderssen var medhjelpar i kyrkja frå 1779. Skiftet etter Peder og Kari i 1788 synte ei brutto eige på 359 rdl. og ein gjeld på 84 rdl. Dei hadde eitt barn, sonen Gregorius f. 1778, som seinare flytte til Nymarka på Straumsheim og døydde der i 1810. Foreldra hans, Peder og Kari, vart jordfeste same dagen, 18. mai 1788, saman med mor til Kari, Kari Larsdtr. og dessutan husbonden i Guleikgarden, Ole Amundsen. Enkja etter Ole Sylvi Tostensdtr. Tjønes, vart jordfest 8. juni same året.

Garden gjekk no over til

*Gregorius Jørgensen Hole* (f. 1752, d. 1807) g. 1788 m. Eli Olsdtr. Tyssebru (f. ca. 1764, d. 1809).

Br. 1788 - 1807.

Bygselbrev frå Nils Wind som var lagverje for Knut Høeg si enkje, på 2 pd. 18 mrk. i 1788 til Gregorius Jørgensen. Han var son til Jørgen Larssen Hole og kona Berte Gregoriusdtr. f. Tjønes. Kår til Bendik Tjønes. Skiftebuet etter Gregorius i 1807 var fallitt.

Etter Gregorius kom

*Sjur Ingebrigtsen Oplendskedal* frå Geiranger (f. 1750, d. 1819) g.1. 1786 m enkja Synnøve Pedersdtr. Brudevoll (f. Kjølås 1744, d. 1798) g.2. 1799 m. Anne Iversdtr. Hole frå Sunnylvn (f. ca. 1754, d. 1813).

Sjur Ingebrigtsen hadde frå 1786 bygsla bruk på Brudevoll (Larsbruket), og kom til Tjønes i 1807 saman med sonen Iver som då kjøpte dette bruket Truleg har Sjur hjelpt sonen med pengar og vore i lag med han om gardsdrifta første åra på Tjønes.

Sjur fekk kårbrev frå sonen i 1808, men Anne Iversdtr. vart framleis kalla gardmannskone då ho døydde i 1813. Sjur var lagrettemann. Etter tradisjonen har Sjurgarden fått namnet sitt etter han. Buet etter Anne Iversdtr. synte ca. 932 riksbankdalar i netto eige ved skiftet i 1813. Dette skiftet fekk eit etterspel med di verbror til Sjur, Nils Nilssen Midtgaard i Sunnylvn, gjekk til retten og hevda at Sjur og sonen hadde fare med lureri under registreringa. Iver Sjursen hadde ei tid før registreringa bedt om å få setje inn på Guleikstabburet ein del varer han sjølv åtte, m.a. eit par tunner, ein kagge med litt talg, fisk, kjøt, humle, litt ler og skinn. Nokre bolkar med sildenot var heller ikkje oppskrivne. Som nemnt hevda Iver at han sjølv åtte desse varene, og saka vart utsett.

*Iver Sjursen Brudevoll* (f. 1787, d. 1850) g.l. 1813 m. Siri Olave Olsdtr. Stave (f. 1783, d. 1814) g.2. 1815 m. Helge Andrine Olsdtr. Hjortdal (f. 1787, d. 1842).

Br. 1807 - 1842.

Iver Sjursen kom til Tjønes i 1807 då han løyste ut dette bruket for 210 riksbankdalar av kaptein Johan Ernst von Halle på Langskipsøy. Halle var gift med Elisabet Marie Jørgensdtr. f. Abelset, enkja etter fogden Ramshart, og ho hadde fått utlagt dette bruket i samfrendeskiftet etter Knut Høeg si enkje i 1791. I 1832 var det jordskifte på Tjønes, med overskyn i 1834. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 2 pd. 18 mrk., endra til 2 dlr. 1 ort og 6 skl. Skiftebuet etter Siri Olave Olsdtr. i 1814 hadde ei netto eige på 1173 riksbankdalar. Enkjemannen Iver Sjursen fekk utlagt 2 pd. 11 mrk. av garden, og mor til Siri, Berte Olsdtr. Stave, ervde 7 mrk. Heile bruket vart taksert til 375 riksbankdalar. Buet etter Helge Olsdtr. i 1842 hadde eit overskot på 441 spd.

Sonen

*Sivert Iversen Tjønes* (f. 1817, d. 1860) g.l. 1842 m. Severine Christiane Petersdtr. (f. Ikornnes 1824, d. 1854) g.2. 1855 m. Ingeborg Andersdtr. Melfot (f. ca. 1825, d. 1915). Ho var frå Sunnylvn, dotter til Anders Halsteinsen Hauge.

Br. 1842 - 1860.

Sivert Iversen ervde halve garden etter mor si Helge Olsdtr., og løyste seinare resten av syskena sine, slik at han vart eigar av heile bruket. Han var lagrettemann og var skrivekunnig. I 1845 fødde han 1 hest, 7 kyr, 12 sauer, 5 geiter og 1 gris. Sånaden var  $\frac{5}{8}$  t. bygg, 1 t. bl.korn, 3 t. havre og 1 t. poteter.

Sivert hadde desse borna:

1. ekteskap: Helge Sivertsdr. f. 1845 g.m. Tomas Knutsen Stave. Anne Marie f. 1849 g.m. Peter Olaus Larssen Lyshol. Sjø Aurdal bnr. 1. Jakobine Karoline f. 1852 g.m. Peter Hanssen Ekornes.
2. ekteskap: Severin Martinus f. 1856, g. på bruket. Rasmus Bastian f. 1858 g.m. Karen Jensdr. Tynes. Sjø Larsgarden bnr. 1.

Enkja Ingeborg Andersdr. gifte seg att i 1861 med  
*Johannes Martinus Nilssen Fet* frå Jørgarden (f. 1826, d. 1927).  
Br. 1861 - 1881.

Born: Severine f. 1861 g.m. lærar Ivar Simonsen, Ålgård. (Frå Blindheim bnr. 5.) Lovise f. ca. 1864 g.m. Bastian Petersen Erstad.

Ingeborg Andreasdr. fekk utlagt denne garden til eigedom for 550 spd. i skiftet etter førstemannen sin Sivert Iversen. Bruket var i 1864 på 28 mål dyrka åker og eng, og 60 mål naturleg england. I 1875 fødte Johannes 1 hest, 1 unghest, 8 kyr, 4 ungdyr, 19 sauer. Sånaden var 4 t. bl.korn, 5 t. havre, 3 t. poteter.

Son til Sivert Iversen tok over bruket etter Johannes:

*Severin Martinus Sivertsen Tjønes* (f. 1856, d. 1898) g. l. 1881 m. Anne Karoline Olsdr. Blindheim frå Larsgarden (f. 1859, d. 1888) g.2. 1890 m. Johanne Jakobsdr. Hole frå Jogarden (f. 1868, d. 1937),

Br. 1881 - 1904.

Born: 1. ekteskap: Ingeborg Anna f. 1883. Utvs. nr. 963. Anna Jensine f. 1886. Utvs. nr. 962.

2. ekteskap: Sigvard Johan f. 1894. Har teke over bruket. Karoline Marie f. 1891 g.m. Nikolai Rasmussen Blindheim på Reitebakkane bnr. 7.

Severin Sivertsen fekk skøyte på Sjurbruket i 1881 frå stykfar sin Johannes Nilssen. Kår til Johannes og Ingeborg. Severin dreiv som røkkedreiar i yngre år. Om vintrane arbeidde han på tranbrenneri i Ålesund.

Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda på bruket 2 dlr. 1 ort og 6 skl. revidert til 4,12 skyldmark.

Enkja Johanne Jakobsdr. gifte seg att i 1904 med

*Petter Jenssen Tandstad* frå Jakobgarden (f. 1879, d. 1972). Han tok etternamnet Tynes då han kom til Sjurgarden.

Born: Jenny f. 1905 g.m. Ole K. Aase i Borgund. Jofrid f. 1907 g.m. Severin Haram. Sjø Blindheim bnr. 59. Signe f. 1910

g.m. Martin Peder Iversen Gjerde. Sjå Tjønes bnr. 24. Gyda f. 1912, sjukesyster, g.m. Petter O. Solnørdal.

Johanne Jakobsdtr. og Petter Jenssen Tynes hadde bruksrett på Sjurgarden, og Petter sat med bruket til 1939. I ungdomsåra dreiv han vegarbeid, og var m.a. med og bygde vegen rundt Kjøshammaren ved Hornindalsvatnet. Etter brannen i Ålesund tok han til med murararbeid. Dette dreiv han ved sida av gardsarbeidet i mange år. Han har sett opp ei mengd med stove- og løvmurar både i Sykkylven og andre bygder. Dessutan mura han 47 skorsteinspiper og gruer. Han var også med i byggenemnda då Sykkylven komm. kraftverk kom i sving, og var medlem av det første styret for kraftverket. Petter J. Tynes var interessert i bygda si kultursoge, og han samla ein heil del stoff om folkelivet og gamle skikkar, ordtøke og namn i Sykkylven. I lokalavisa «Sykkylvsbladet» hadde han fleire stykke om slike emne. Han skreiv ofte under namnet Celestis.

Dei seinare åra budde han hjå versonen Martin Peder Gjerde på Tjønes, bnr. 24.

Sjurbruket gjekk over til

*Sigvard Severinsen Tynes* f. 1894 g. 1920 m. Petra Marie Kleppestrand frå Gurskøy f. 1896.

Br. frå 1939.

Born: Sigmar f. 1920. Inge f. 1922. John Petter f. 1923, d. 1965. Perry Arne f. 1924. Oddbjørg f. 1929 g.m. adv. Ottar Skaar.

Sigvard Tynes fekk heimelsbrev på Sjurgarden alt i 1903 då det var skifte etter far hans. Sigvard driv skoforretning i Ålesund.

GULEIKGARDEN, bnr. 3.

*Samund*, br. 15.- ca. 1640.

Han skatta av ei flaumsag, og la m.a. 2 dlr. i skatt i 1611 for å ha skore 40 tylfter bord. Samund åtte 2 mællag jord i 1626.

*Ole*, br. 3 mællag ca. 1640 - ca. 1664.

Han la kvegskatt i 1658 av 1 hest, 5 kyr, 4 geiter og 2 sauer. Ole var i 1655 mellom dei 29 bøndene i Sykkylven som kvar måtte betale 10 mark sylv i bot fordi dei ikkje hadde oppfylt føringsplikta si mot slottsherre Ove Bjelke «da hans Velborenhed reiste seneste fra Østeråd ok til Bergen.»

*Hans Sivertsen* f. ca. 1638.

Br. ca. 1664 - ca. 1690.

Han skatta av 3 mællag. I 1666 hadde han ein dreng som heitte Samund Olsen, 62 år gml.

*Erik*, f. ca. 1660.

Br. ca. 1690 - 1705.

Han hadde vore soldat. I 1701 heitte det at han var svak i hovudet.

*Ole Sivertsen*, br. 1705 - 1709.

Bygsselsetel på 3 mællag i 1705 frå Jens Pedersen Bantzbil.

*Ole Rasmussen* (f. ca., 1674, d. 1746) g.m. Ingrid Rasmusdr. (f. ca. 1682, d. 1763). Ho var truleg enkje etter Ole Sivertsen.

Ole Rasmussen sat som brukar i Guleikgarden frå 1709 til 1746. Bygselbrev i 1709 på 3 mællag, og dessutan 1 mællag i 1710 med Bendik Jonsen i Sjurgarden.

Sonen

*Peder Olsen Tjønes* (f. ca. 1718, d. 1760) g. 1748 m. Sylvei Tostensdr. Brunstad (f. 1723, d. 1788).

Br. 1748 - 1762.

Bygselbrev frå Jørgen Høeg i 1748 på 3 mællag 12¼ mrk.

Enkja gifte seg att i 1761 med

*Ole Amundsen Velle* (f. 1735, d. 1788).

Br. 1762 - 1788. Bygsselsetel i 1762 frå Knut Høeg på 2 pd. 18 mrk.

Ole var lagrettemann. Skiftet etter han i 1788 synte ei brutto eige på 146 rdl., og ein gjeld på 1 rdl. Ole vart jordfest 18. mai 1788. Den dagen vart også husbondsfolket i Sjurgarden og kårkona der jordfeste. Enkja etter Ole, Sylvei Tostensdr., vart jordfest 8. juni same året.

Etter Ole kom

*Salmund Helgesen Dravlaus* (f. 1757, d. 1838) g. 1789 m. Bolette Pedersdr. Berge frå Stranda (f. 1770, d. 1853).

Br. 1788 - 1804.

Bygsselsetel frå Nils Wind på 2 pd. 18 mrk. i 1788. Salmund var lagrettemann. I 1789 melde han Knut Anderssen Svartebekk fordi Knut hadde teke hesten hans frå stallen, utan at Salmund visste det og medan han var borte. Knut Anderssen sa at han hadde kjøpt hesten av Lars Fet og Ole Tjønes. Saka vart utsett, men i 1790 fall det dom. Knut Anderssen måtte levere hesten attende og betale 2 rdl. i sakskostnader. I 1799 er det Salmund som vert meld saman med kona si, Bolette. Det byrja med at ho hadde sagt til både mannen sin og til andre at den unge skulemeisteren Ole Larssen Tjønes hadde gjort

hanebein til henne, og «kydst» henne. Salmund Helgesen stemnde Ole Larssen for forlikskommissjonen. Ole Larssen nekta. Men Bolette heldt på sitt, enda «saken er hende selv til beskjæmmelse». Det var umogleg å nå fram til semje, og saka gjekk til retten. Domen gjekk ut på «at i Fald nogen fornærmelige Talemaader i Anledning af et løst Rygte er udtalt enten av Salomon Helgesen Tynæs eller hans Hustru, da frafaldes samme aldeles, og skal ikke komme Ole Larssen Tynæs til fornærmelse.» Den av partene som meir nemner denne saka, skal, når det vert prova, bøte med 4 rdl. til fattigkassa i soknet.

Skiftebuet etter Salmund hadde 40 spd. i brutto eige. Gjelden var 9 spd.

Etter Salmund kom

*Gullik Pedersen Løset* (f. ca. 1760, d. 1840) g. 1804 m. Elisabet Pedersdtr. Ikornnes (f. 1776, d. 1840).

Br. 1804 - 1840.

Gullik løyste ut dette bruket av kaptein von Halle i 1804 for 210 riksbankdalar. Kår til Salmund Helgesen og kona. I 1833 var det jordskifte av innmarka på Tjønes, med overskyn i 1834. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 2 pd. 18 mrk. endra til 2 skylddalar 1 ort og 18 skl.

Dette bruket fekk namn etter Gullik.

Sonen

*Petter Elias Gulliksen Tjønes* (f. 1805, d. 1895) g. 1840 m. Ingeborg Marie Olsdtr. Midtgård (f. 1822, d. 1895).

Br. 1840 - 1861, sidan halve bruket til 1875.

Petter Elias fekk skøyte på bruket frå bror sin, skulehaldaren Martinus Gulliksen, for 130 spd. i 1840. I 1845 fødde Petter 1 hest, 7 kyr, 12 sauer og 5 geiter. Nytt jordskifte på Tjønes si innmark vart halde i 1861. Dette året selde Petter Elias halve Guleikbruket til versionen, Lars Nilssen Brunstad. Denne halvparten vart i 1866 utskild som eige bruk og fekk seinare namnet Åmundgarden. Sjå bnr. 5. Petter Elias sat att med den andre halvparten som seinare vart kalla

BRAUTA.

Dette bruket tok son til Petter Elias over. Det var

*Ole Bastian Pettersen Tjønes* (f. 1856, d. 1937) g. 1876 m. Severine Pettersdtr. Velle frå Rasmusbøen (f. 1850, d. 1946).

Br. 1875—ca. 1905.

Born: Edvard f. 1878, d. 1882. Emte Marie f. 1884 g. på bruket.

Ole Bastian fekk skøyte på Brauta i 1876 for 300 spd. Kår til foreldra. Han flytte stovehuset frå gamletunet dit huset står i dag, og bygde på storstove, kjøken og gang. I 1875 fødde han 1 hest, 4 kyr, 1 ungdyr og 6 sauer. Sånaden var 1½ t. bl.korn, 3 t. havre og 2 t. poteter. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda på bruket, 1 dlr. og 9 skl. revidert til 1,98 skyldmark.

Ved sida av gardsdrifta dreiv Ole sjøen, både sildefiske og torskefiske. Han stasjonerte mykje på Synes, hjå «Tinde-Rasmus». Elles reiste han mykje rundt i Sykkylven og truska for folk med ein malm-maskin han hadde kjøpt seg.

Versonen

*Thomas Pettersen Jarnes* (f. 1883, d. 1951) g. 1905 m. Marie Oldstr. Tynes f. 1884.

Br. 1905 - 1952.

Born: Olav f. 1907, d. 1932. Thordis f. 1910 g.m. Trygve Bjerke frå Oslo. Jenny f. 1910, d. 1935. Petter f. 1914 g.m. Borgny Henningsdtr. Utgard. Sjø Tjønes bnr. 28. Inga f. 1916 g.m. Ingolf Duesund. Sjø bnr. 31. Severine f. 1918 g.m. Louis Opsal, Ålesund. Thorleif f. 1921 g.m. Marta Engebø. Sjø bnr. 33. Arne f. 1923, g. på bruket. Ola f. 1929 g.m. Dagmar Vike frå Stranda. Sjø Blindheim bnr. 82.

Thomas Tynes tok over dette bruket i 1905. I 1918 sette han opp ny løe. Dei fødde 1 hest, 6 kyr, ungdyr og 5 - 6 sauer. Thomas dreiv fiske og stasjonerte mykje på Alnes og Synes. Han åtte motorbåt saman med bror sin Petter Jarnes.

Sonen

*Arne Thomassen Tynes* f. 1923, g. 1. 1951 m. Mary Lorgen frå Ellingsøya (f. 1922, d. 1962) g.2. 1967 m. Ella Nerland frå Hustad f. 1939.

Br. frå 1952.

Born: Torunn f. 1951. Ingrid f. 1954. Svein f. 1955. Marianne f. 1962.

Arne Tynes fekk skøyte på bruket frå mor si i 1923. Kår. Han har bygt stabbur, vølt og modernisert stovehuset, og arbeider elles på trevarefabrikk. På bruket fôrar dei no 1 hest, 3 kyr og 4 - 5 sauer.



SYVERPLASSEN (Suffiplassen) bnr. 4.

Utskild frå Guleikbruket bnr. 3 i 1861 med skyld 13 skl., rev. 1890 til 0,17 mark.

Første brukaren på plassen var

*Sivert Andreas Anderssen*, truleg frå Holt, Stordal (f. 1829, d. 1887) g.m. *Sofie Madsdr.*, også kalla *Bergitte Madsdr.* (f. 1821, d. 1898).

Br. 1853 - ca. 1898.

Born: *Marte Eline* f. i Stordal 1851 g. 1878 m. *Andreas K. Fause*. *Syver Bastian Thomas* (f. 1854, d. 1869). *Anne Marie* f. 1858. *Johan Severin* f. 1861 g. 1887 m. *Oline Petersdr.* Erstad.

*Sivert Anderssen* fekk bygselsetel på plassen i 1853 av *Peter Elias Gulliksen Tjønes*. Ved sida av arbeidet med plassen dreiv *Sivert* dagarbeid rundt om i bygda, mellom anna som tømmerkøyrar. I 1864 var plassen på 3 mål dyrka åker og eng, og 7 mål naturleg england. Han fødde i 1865 1 ku og 8 sauer. I 1875 fødde han 2 kyr, 3 sauer og 8 geiter, og sånaden var 1 t. havre, og 1½ t. poteter.

Versonen til eigaren tok over Syverplassen etter at enkja *Sofie Madsdr.* var død.

*Rasmus Petersen Velle* frå *Rasmusbøen* bnr. 8 (f. 1854, d. 1931) g. 1877 m. *Jensine Pettersdr.* *Tjønes* frå *Guleikgarden* (f. 1849, d. 1921).

Br. 1898 - 1918.

*Rasmus Petersen* hadde brukt *Rasmusbøen* på *Velle* (sjå bnr. 8) før han ca. 1898 flytte til Syverplassen. *Rasmus* hadde fått skøyte på plassen alt i 1884 frå verfar sin, *Peter Elias Gulliksen Tjønes*, for 400 kroner utan hus.

Dottera

*Anne Rasmusdr. Velle* f. 1885 fekk i 1918 gåvebrev på plassen frå foreldra sine mot at ho tok på seg å stelle og pleie dei. *Anne* brukte plassen nokre år, og så tok ho foreldra med seg og flytte til Ørskog der ho gifte seg med *Rudolf Nilsen*,

Syverplassen (Suffiplassen) selde *Anne Rasmusdr.* i 1922 for 3.500 kroner til

*Simon Johnsen*.

*Simon Johnsen* selde Suffiplassen for 1.200 kroner i 1926 til

*Peder Anderssen Sæter* g.m. *Ingeborg*.

Br. 1926 - 1929.

Dei seldeplassen att i 1929 for 2.600 kroner til

*Thomas Martinussen Lied* frå Liabygda (f. 1900, d. 1973) g.1. m. Lina Strømmen frå Borgund d. 1939. g.2. 1950 m. Svanhild Johnsdtr. Nesje frå Oppstryn f. 1907. Sjø Blindheim bnr. 80.

Born i 1. ekteskap: John, drukna på badestranda på Emblem ca. 1935, 11 år gamal. Kasbar, døydde ca. 1937, 17 år gamal.

Thomas Martinussen Lied flytte til Suffiplassen frå Emblem. Han var sjømann og dreiv både utanriks- og innanriksfart. Han kom i økonomiske vanskar med plassen som i 1930 vart seld på auksjon for 2.000 kroner til

*Lars Jenssen Hole* frå Holen f. 1908. Han er smed.

#### FESTETOMT UNDER SUFFIPLASSEN.

*Hilmar Haugland* frå Voss f. 1903 feste i 1955 ei tomt av Lars Jenssen Hole på Suffiplassen og sette opp hus. Haugland er evangelist for Jeliovas Vitner.

#### ÅMUNDGARDEN bnr. 5.

I 1861 selde Petter Elias Gulliksen Tjønes halve Guleikbruket bnr. 3 til versionen

*Lars Nilssen Brunstad* frå Klausgarden bnr. 5 (f. 1831, d. 1921) g. 1859 m. Berte Oline Pettersdtr. Tjønes frå Guleikgarden bnr. 5 (f. 1841, d. 1921),

Br. 1861 - 1889.

Bruket vart skyldsett i 1866 til 1 dlr. og 8 skl., rev. 1890 til

1,97 mark. I 1875 fødte Lars 1 unghest 4 kyr, 1 ungdyr og 6 sauer. Sånaden var 1 ½ t. bl.korn, 3 t. havre og 2 t. poteter. Lars sette opp stovehus på det nye bruket. Løa hadde han saman med Guleikbruket. Han dreiv mykje med hestar. Lars og Berte hadde ikkje born, og dei selde bruket i 1889 til

*Ole Amundsen Velle* frå Åmundgarden (f. 1864, d. 1951) g. m. Karoline Klausdtr. Magerholm (f. 1860, d. 1950).

Br. 1889 - 1935.

Born: Olave f. 1891 g.m. Lars Larssen Hole. Sjø Tjønes bnr. 11. Amund f. 1892 g. på bruket. Utvs. nr. 949. Claus f. 1894 g.m. Olga Fauske frå Ålesund, kjøpmann i Ålesund. Oskar f. 1897 g.m. Selma Grytebust frå Ellingsøya, busett Ålesund. Adolf f. 1899,

butikkssjef i Ålesund, g.m. Gurine Hattestad frå Norddal.  
Kornelia f. 1902 g.m. Lauritz Osen, Skarbøvik.

Ole Amundsen fekk skøyte på bruket frå Lars Nilssen Tynes i 1889. Dei første åra brukte dei garden i lag, seinare fekk Lars og kona hans kår. Ved den nye skyldsettinga i 1890 fekk dette bruket ei skyld på 1,97 mark. Ved sida av gardsdrifta dreiv Ole sjøen, både sildefiske og torskefiske. Han arbeidde også hjå Schmidt på Blindheim.

Sonen

*Amund Olsen Tynes* (f. 1892, d. 1970) g. 1930 m. Laurentze Jørgensdtr. Sætre frå Valderøy f. 1887.

Br. 1935 - 1907.

Adoptivbarn: Oddlin f. 1937 g. på bruket.

Amund har vore to gonger i USA (Utv. nr. 949) og han gifte seg der borte. Bryllaupet er nemnt i Washingtonposten for 21. nov. 1930. Han bygde ny løy på Åmundbruket i 1933, og har seinare bygt på og vølt stovehuset. Ved sida av gardsdrifta arbeidde han ei tid som lagermann og fyrar ved B. R. Tynes Møbelfabrikk.

Versonen

*Bjarne Rasmussen Flisnes* frå Borgund f. 1933 g. 1965 m. Oddlin Tynes f. 1937.

Br. frå 1967.

Barn: Amund Lorentz f. 1967.

Bjarne Flisnes arbeidde lenge ved Møre Transformatorfabrikk på Ørsnes. Han er no assistentingeniør ved Sykk. komm. kraftverk.

RASMUSGARDEN bnr. 6.

(Tidlegare Hansgarden).

*Sivert Olsen Tjønes*, br. 15.-ca. 1613.

Han la ½ mæle i tiend. I 1611 var han mellom dei som vart utkommanderte til Kalmarkrigen, men truleg har han late sonen sin, Ole Sivertsen, gå ut i sin stad. Ole måtte bøte med 7 rdl. i 1616 fordi han «aff UngDomb och Uforstand» utan løyve hadde reist heim att frå leiren ved Svinesund. Etter Sivert Olsen sat enkja med bruket i fleire år.

*Jetmund*, br. ca. 1622 - ca. 1655.

Han åtte noko jordegods ei tid, 3½ mællag i 1628, men det hadde minka til ½ mællag i 1636. I 1640 fekk han ei bot på 1 rdl. fordi

han hadde slege til grannen Jakob i Larsgarden med ein staur, «et lidet Hug».

*Ingebrigt*, br. ca. 1655 - ca. 1662, skatta i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 4 geiter og 6 sauer.

*Peder Jetmundsen Tjønes* (f. ca. 1633, d. 1722) brukte halve garden, d.v.s. 1½, mællag i 1666.

I 1693 vart Peder meld av Ole Ingebrigtsen og Ingebrigt Blindheim for noko ugreie med tjøreved ved «Blindheim tjæreild». Det var visstnok slik at Peder skulle passe på varmen, men hadde sovna, og tjøreveden brann opp. Peder vart dømd til å betale dei to blindheimskarane 8 tønner tjøre, då det «av våde» hadde skjedd ein skade. Blindheimskarane på si side måtte betale Peder for 4 tom-tønner. Han vart i seinare år kalla husmann, og han sat trangt i det økonomisk. I 1706 var han mellom dei fattige som skreiv under på eit brev til «veledle og velborne herr commerscråd og amtmænd» Hans Nobel. Dei klaga her over dei tunge skattebyrdene som det var umogleg for dei å greie i desse «misvekst tider». Dei fleste av klagarane åtte «hverken hus eller boskab, langt mindre levendis chreature». Det dei måtte ha til livsopphald til seg sjølve og sine fattige koner og born, har dei fått meir gjennom godt folks medynk, hjelp og almisse enn gjennom eiga næring eller forteneste. Til slutt bed dei «allerydmygeligst Eders Velbårenhed (amtmand Nobel) derom voris sandferdige andragende i miskundhed til befrielse for os fattige bønder vilde høigundstigen anse, hvilket den nådige Gud rigeligen vil belønne og vi for-blive -- -- —»!

Nokre år seinare var Peder så fattig at han slapp å betale skatt.

*Jon Jonsen* f. ca. 1612 delte visstnok dette bruket med Peder Jetmundsen frå ca. 1663, men noko seinare skatta Jon av heile bruket, 3 mællag 3 ¼ mrk.

Etter Jon kom son til Peder Jetmundsen. Det var

*Jetmund Pedersen Tjønes* (f. ca. 1660, d. 1709) g.m. Inger Larsdtr. (f. ca. 1668, d. 1731).

Jetmund fekk bygselsetel på 3 mællag i 1689 av Jens Pedersen i Hjørundfjord. Skiftebuet etter Jetmund hadde 29 rdl. i netto eige.

Enkja gifte seg att med

*Hans Knutsen Lade* (f. ca. 1680, d. 1757) g.2. 1731 m. Kari Knutsdtr. Hjortdal (f. ca. 1705, d. etter 1757).

Br. 1710 - 1754.

Byggselbrev på 3 mællag i 1710 frå Jørgen Høeg.  
 Versonen  
*Ole Larssen Kjemphol* frå plassen Myra (f. 1724, d. 1761) g. 1754 m. Inger Hansdtr. Tjønes (f. 1736, d. 1797).  
 Br. 1754 - 1762.  
 Enkja gifte seg att 1763 med  
*Jon Monssen Erstad* (f. 1734, d. 1801).  
 Br. 1762 - 1786.  
 Byggselbrev frå Knut Høeg til soldat Jon Monssen på 3 mællag 4½ mrk. i 1762. Skiftet etter Jon i 1801 synte ei brutto eige på 12 rdl. og ein gjeld på 2 rdl.  
 Son til Ole Larssen og Inger Hansdtr. tok over bruket. Det var  
*Knut Olsen Tjønes* (f. 1761, d. 1810) g.1. 1787 m. enkja Anne Pedersdtr. Hjelle (f. ca. 1747, d. 1808) g.2. 1809 m. Berte Pedersdtr. Erstad (f. 1769, d. 1828),  
 Br. 1788 - 1811.  
 Knut Olsen bygsla eit par år bruket til Anne Pedersdtr. Hjelle (sjå Hjelle bnr. 1), men flytte så i 1788 til Tjønes og tok over etter stykfar sin. Frå denne tida la han kår til Jon Monssen og mor si, Inger Hansdtr. Knut sette opp stovehus med storstove og to kammers i 1802. Seinare vart huset til kornmagasinet på Jarnes kjøpt og bygt attåt. Det var ei littlestove og eit kammers. Dette huset stod og var i bruk til 1950. Skiftebuet etter Knut Olsen hadde ei brutto eige på 217 riksbankdalar.  
 Enkja Berte Pedersdtr. løyste ut garden i 1811 av kaptein von Halle for 330 riksbankdalar og gifte seg att same året med  
 enkjemann  
*Anders Jonsen Aurdal* frå Andersgarden bnr. 4 (f. 1755, d. 1838).  
 Anders hadde nok ein del pengar og hjelpte truleg til å løyse bruket. I 1812 bygsla han det bort til  
*Hans Olsen Helstad* (frå Svengarden) (f. 1773, d. 1832) g. 1805 m. Karen Sivertsdtr. Habostad (f. 1784, d. 1838).  
 Br. 1812 - 1834.  
 Hans var lagrettemann. I 1833 var det jordskifte på Tjønes, og dette bruket fekk namn etter Hans, og vart lenge kalla Hansgarden. Bruket skifte eigar fleire gonger i Hans Olsen si tid. Anders Jonsen selde i 1824 til Jens Rasmus Olsen Straumgjerde for 140 spd. Han selde att i 1826 for same pris til Anders Jonsen sin son, Johannes Anderssen Aurdal. Etter at bygselmannen Hans Olsen var død, sat enkja med bruket eit par år. Ho meinte ho hadde bygselretten på livstid, men

gardeigaren, Johannes Anderssen Aurdal bygsla bruket i 1834 til  
*Hans Rasmus Pedersen Aure* frå Jangarden f. 1807, d. 1882 g.  
1834 m. *Susanne Marie Pedersdtr. Hole* (f. 1806, d. 1888).

Br. 1834 - 1861.

Hans Rasmus, eller Rasmus, som han vart kalla, sat som bygselmann til 1854. Då løyste han ut garden av Johannes Aurdal for 300 spd. og vart sjølveigar. Men han kom i pengevanskar, og eit halvt års tid etterpå selde han halve bruket for 200 spd. til Knut Monssen Ytterland. Denne halvparten løyste Rasmus inn att i 1866.

Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 2 pd. 9½ mrk., endra til 1 dlr. 4 ort 20 skl. Rasmus fødde i 1845 1 hest, 7 kyr, 11 sauer og 5 geiter. I 1859 - 1851 var det nytt jordskifte på Tjønes si innmark. Frå denne tid vart dette bruket kalla Rasmusgarden.

Sonen

*Petter Gregorius Rasmussen Tjønes* (f. 1832, d. 1862) g. 1860 m. *Severine Hansdtr. Sætre* (f. 1835, d. 1924).

Br. 1861 - 1863.

Barn: Peter f. 1862.

Peter Rasmussen fekk i 1861 skøyte på halvparten av bruket som far hans åtte, for 200 spd. og kår. Året etter omkom Peter på sildefiske utfor Kvaløya,

Enkja gifte seg att 1863 med

*Peter Jenssen Eidem* frå Jenshaugen (f. 1839, d. 1917).

Br. ca. 1863 - ca. 1880.

Born: Hans f. 1864. Utvs. nr. 954. Anne f. 1866 g.m. Peter N. Klock. Sjø Aure bnr. 41. Olave f. 1868 g.m. Ole Totland, Samnanger. Thomasine f. 1871, d. 1883. Jens f. 1873, bygningsformann i Trondheim. Ole f. 1876, dreiv handel.

I 1864 var bruket på 21 mål dyrka åker og eng, og 45 mål naturleg england. Peter Jenssen fôra i 1875 4 kyr, 2 ungdyr, 6 sauer og 2 geiter. Dessutan fôra han for Rasmus 1 ku, 6 sauer og 2 geiter. Sånaden på bruket var 3½ t. bl.korn, 3½ t. havre og 4½ t. poteter.

Peter Jenssen hadde bruket på bygsel. Kona hans. Severine, hadde fått utlagt ¼ av bruket etter førstemannen sin, Peter Rasmussen, men denne delen selde Peter Jenssen til Rasmus Pedersen i 1864 for 100 spd.

Kring 1880 flytte Peter Jenssen med huslyden til ein husmannsplass Myra på Tjønes (Sjå bnr. 10). Son til Peter Rasmussen og Severine Hansdtr. tok over Rasmusbruket. Det var

*Peter Petersen Tjønes* (f. 1862, d. 1934) g. 1882 m. Kristoffa Pedersdtr. Myrset (f. 1859, d. 1909).

Br. 1883 - 1933.

Born: Hans f. 1883. Utvs. nr. 955. Tomasine f. 1885 g.l. m. Ole Kurset, g.2. m. Andreas Furset. (Aure bnr. 34). Karl f. 1887. Utvs. nr. 956. Ole f. 1890. Utvs. nr. 957. Johanne f. 1891, syerske. Emma f. 1899 g.m. Nils Larssen Hjelle på Indre Fauske bnr. 1. Johan f. 1902 g. på bruket.

Peter Petersen fekk skøyte på Rasmusgarden i 1884 frå mor si, Marte Pedersdtr. og bror sin, Andreas Rasmussen. Kår til Marte Pedersdtr. Ved den nye skyldsettinga i 1890 fekk bruket ei skyld på 3,27 mark. Peter dyrka ein god del jord. Elles arbeidde han som snikkar og bygningsmann.

Sonen

*Johan Petersen Tynes* f. 1902 g. 1930 m. Petra Paulsdtr. Myklebust frå Follestaddal f. 1898.

Br. fra 1933.

Born: Peter Lorentz f. 1930 g. på bruket. Paul Karstein f. 1932 g.m. Reidun Sigmundsdtr. Overå, frå Liavåg. Sjå Tjønes bnr. 12. Kjellaug f. 1933, g. 1967 m. Arne Larssen Klokk frå Ramstaddal. Leikny Karin f. 1039 g.m. Einar Nikolaisen Nordsletten frå Rotset i Volda.

Johan Tynes fekk skøyte på bruket i 1934. I 1939 bygde han ny løe, og i 1950 stovehus. Han har rudt og dyrka ein god del jord, m.a. tuftene etter gamle Tjønestunet som låg der husa i Rasmusgarden no er. Ved sida av arbeidet med garden har Johan P. Tynes drive trevarefabrikk frå 1931. Han har sett opp fabrikkbygg i betong. Der arbeider 5 mann.

Garden driv han no saman med sonen

*Peter Johansen Tynes* f. 1930 g. 1957 m. Leikny Olsdtr. Tryggestad frå Stranda f. 1932.

Born: Ingunn Perdy f. 1959. John Olav f. 1964.

Ved sida av gardsdrifta arbeider Peter Tynes på fabrikk.

SYVERGARDEN bnr. 7.

Ei *enkje* sat med dette bruket i 1603 og nokre år framover. Ho åtte 4 mællag jord med Rasmus Olsen i Larsgarden.

*Rasmus Jakobsen*, br. ca., 1608 - ca. 1630.

Han vart kalla Unge-Rasmus og Vesle-Rasmus, truleg til forskjell frå Rasmus Olsen i Larsgarden. Unge-Rasmus åtte 1 mællag jord i 1610. Han måtte i 1615 halde knekt, og valde då sin eigen son som seinare tok over bruket. Det var

*Jakob Rasmussen Tjønes* f. 1592.

Br. ca. 1630 - ca. 1635.

*Iver Olsen* (f. ca. 1596).

Br. 1635 - ca. 1666.

Han åtte ein del jordegods, og brukte 4½ mællag. I 1658 fødde han 1 hest, 10 kyr, 6 geiter, 8 sauer og 1 okse. Siste åra delte han visstnok bruket med

*Anders Salmundsen* (f. ca. 1616) g.m. Solue Jonsdtr. (d. 1695) Då Anders døydde, gifte *enkja* seg att med son til Iver Olsen. Han heilte

*Jakob Iversen Tjønes* (f. ca. 1636).

Br. ca. 1670 - 1689.

Etter Jakob kom son til Anders Salmundsen. Det var

*Salmund Anderssen Tjønes* (f. ca. 1656).

Br. 1689 - ca. 1715.

Salmund fekk bygselsetel på 2 mællag i 1689 av Jens Pedersen i Hjørundfjord. I 1705 skatta han av 2 mællag 2½ mrk. Salmund var gift med Ingrid Ivarsdtr. Håhjem (f. ca. 1668, d. 1742).

Sonen

*Ivar Salmundsen Tjønes* (f. ca. 1697, d. på Dravlaus 1780) tok over etter foreldra i 1717, men bruket hadde då minka ned til halvparten. Bygselsetel på 1 mællag i 1717 frå Jørgen Høeg. I 1727 gifte han seg med *enkja* Sylvia Pedersdtr. Dravlaus og flytte til Dravlaus (Sjå under Ivabruket).

Mor til Ivar, Ingrid Ivarsdtr., hadde i mellomtida gift seg opp att med

*Peder Sæbjørnsen* truleg frå Lyshol (d. 1745) og dei tok no over bruket. Ingrid døydde i 1742, og i 1743 gifte Peder Sæbjørnsen seg att med Synnøve Johansdtr. Vinje frå Stordal (f. ca. 1706, d. 1765).

Br. ca. 1717 - 1749.



Skiftebuet etter Ingrid Ivarsdtr. i 1742 var fallitt. Enkjemannen hadde då «noget Tjæreved av ham selv oppgravet stående på gården Wegsund.» Peder skatta av 1 mællag 2½ mrk. Andrekona hans, Synnøve Johansdtr., gifte seg att i 1747 med Peder sin verbror, enkjemannen

*Hallstein Anderssen Andestad* frå Knutgarden bnr. 4 (f. ca. 1680, d. 1758). Bygselsetel til Hallstein frå Knut Høeg i 1749 på 1 mællag. Enkja Synnøve Joliansdtr. gifte seg for tredje gang i 1759 med

*Arne Askjellsen Velle* frå Askjellgarden bnr. 7 (f. 1726, d. 1771) g.2. 1767 m. Gunhild Larsdtr. Hole (f. 1728, d. 1771).

Br. 1759 - 1771.

Bygselsetel til Arne Askjellsen i 1764 på 1 mællag frå Knut Høeg. Også Arne skatta av 1 mællag 2½ mrk. Han var lagrettemann. Skiftebuet etter Arne hadde i 1771 ei brutto eige på 97 rdl., og ein gjeld på 65 rdl. Enkja Gunhild Larsdtr. trulova seg att i 1771 med

*Peder Rasmussen* (f. ca. 1733, d. 1792). Gunhild døydde eit par månader etter trulovinga, og Peder gifte seg 1772 med Berte Hansdtr. Helsem (f. 1732, d. 1774) g.2. m. Siri Halkjellsdtr. Rønneberg. Sjå ættebok for Norddal s. 334 nr. 34. (I 1800 er det skifte etter kårkone Gjøri Halkjellsdtr. Tjønes f. Rønneberg, og ein kan undrast på om det er Gjøri som har vore gift med Peder Rasmussen.) Peder sat som brukar frå 1771 til 1790. Han var lagrettemann. I 1775 løyste han ut bruket på 1 mællag for 36 rdl., og fekk skøyte av Hans Jakob Mechlenborg.

Etter Peder Rasmussen kom

*Morten (Martinus) Ingebrigtsen Emmedal* (f. 1757, d. 1819) g. 1791 m. Marte Olsdtr. Tjønes frå Larsgarden (f. 1760, d. 1849).

Br. 1790 - 1817.

Bygselsetel frå Peder Rasmussen på 20½ mrk. i 1790. Kår.

I 1791 kjøpte Morten Ingebriksen bruket, 21 mrk., av Peder Rasmussen for 70 rdl., og Morten var no sjølveigar.

I 1810 fekk han 4 rdl. i premi for jorddyrking frå Søndmøre Practiske Landhusholdningsselskab. I 1814 fekk Morten saman med nokre andre i bygda, mulkt fordi dei hadde handla med bergensskipperane Elias Jetmundsen og Rasmus Jørgensen. Martinus gjekk over på kår i 1817 og bygsla bruket til versonen

*Sivert Knutsen Svindset* (f. 1788, d. 1868) g. 1816 m. Mads Martinusdtr. Tjønes (f. 1784, d. 1872),

Br. 1817 - 1853

Byggselsetel i 1817. Sivert var lagrettemann. I 1832 var det jordskifte av innmark på Tjønes, med overskyn i 1834. Bruket fekk namn etter Sivert. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 20½ mrk. endra til 4 ort og 3 skl. Sivert fødde i 1845 3 kyr, 5 sauer og 3 geiter. Sånaden var  $\frac{2}{8}$  t. bygg, 14 t. bl.korn, 1 t. havre og ½ t. poteter. I Sivert si brukstid skifte Syvergarden eigar fleire gonger. Enkja etter Morten Ingebrigtsen, Marte Olsdtr., skøyte i 1820 bruket over til versonen Ingebrigt Arnesen Emmedal, som i 1834 selde til skulemeisteren Martin Gulliksen Velle f. Tjønes for 89 rdl. Han bygsla bruket til Sivert Knutsen sin verson

*Lars Martinus Olsen Stave* (f. 1826, d. 1912) g.l. 1851 m. *Marte Lovise Sivertsdtr. Tjønes* (f. 1820, d. 1854) g.2. 1855 m. *Madsi Thomasine Berntsdtr. Tu* (f. 1833, d. 1913).

Br. 1853 - 1886.

Born; 1.ekteskap: *Ole Martinus* f. 1852. Sjø bnr. 23 på Blindheim. *Syver Bastian* f. 1854. Utvs. nr. 942.

2. ekteskap: *Bastian* f. 1856. Utvs. nr. 940. *Lovise Karoline* f. 1858 g.m. *Ole Andreas Karolussen Brunstad* (Øyane). *Peter Syver* f. 1860, sjømann. *Berte* f. 1863 g. på bruket. *Lars Bernt* f. 1865, målar. Busett Oslo. *Peter Karolus* f. 1868. *Karl* f. 1871. Utvs. nr. 941. *Johanne* f. 1877. Utvs. nr. 939.

Byggselsetel i 1853. Kår til Sivert Knutsen og kona Madsi. *Lars Olsen* fødde i 1875 1 unghest, 6 kyr, 3 ungfe, 14 sauer, 2 geiter og 1 gris. Sånaden var 6 t. havre og 3 t. poteter. *Lars Olsen* var handelsmann. Han hadde sjøhus (bud) på Syverholmen, eller Skjerholmen, som han også vart kalla. Denne buda vart seinare seld til Straumgjerde og oppsett der (Tørgjer-buda). *Lars* dreiv også bakeri og hadde bakaromnen i kjellaren i Syverstova. Ei tid var *Lars* velståande. Han åtte fleire gardar, m.a. ein gard på Hitra og dreiv Laksevig Sagbruk der. Sonen *Bastian* var styrar. Men i 1880- åra tok det til å gå ut med *Lars Olsen*, og han gjekk fallitt,

Versonen tok over Syvergarden. Det var

*Karl Olsen Løset* (f. 1852, d. 1940) g. 1885 m. *Berte Larsdtr. Tjønes* (f. 1863, d. 1947).

Br. 1886 - 1941.

Born: *Lovise* f. 1891. Utvs. nr. 936. *Ole* f. 1893, g. på bruket. *Marie* f. 1898.

Karl Olsen løyste ut bruket i 1886 av Martinus Gulliksen Velle for 2.800 kroner og kår til Lars Olsen og Mads Berntsdtr.. Den gamle skylda på bruket, 4 ort og 3 skl. vart ved den nye skyldsettinga i 1890 revidert til 1,85 mark.

Sonen

*Ole Karlsen Tynes* (f. 1893, d. 1961) g. 1943 m. Haslaug Sæter frå Valderøy f. 1901.

Br. 1941 - 19...

Skøyte frå Berte Larsdtr. i 1941 for 3000 kroner og kår. Ole sette opp nytt hus på bruket i 1947. Ole og Haslaug hadde ikkje born, og bruket vart selt til Kjell Grebstad i Hau-Ola garden på Blindheim.

FREDHEIM bnr. 8.

(Myrane, Nedste-Myra,)

Bruket vart utskilt frå Syvergarden bnr. 7 i 1916 med skyld 0,45 mark.

*Lars Thomas Olsen Brunstad* frå Øyane (f. 1876, d. 1934) g.i San Francisco 1903 m. Olivia Olsdtr. Uhren frå Sløgstad, Stranda, (f. 1882, d. 1967).

Br. 1916 - 1953.

Born: Olav Leonhard f. 1908 g. på bruket. Sverre f. 1912, d. 1953. Handelsutdaning, revisor.

Lars var i USA 3 gonger (Utv. nr. 248) og han gifte seg der borte. I 1907 kjøpte han garden Vanberg i Borgund og dreiv han i 2 år. Mor til Lars var frå Syvergarden på Tjønes, og i 1916 kjøpte han eit urudt stykke Myrane av dette bruket. Han sette opp stovehus og løy og dyrka stykket godt opp. Ved sida av arbeidet med småbruket dreiv Lars som bygningsmann. Kona hans, Olivia, vart mykje nytta som «matmor» i bryllaup.

Sonen

*Olav Leonhard Larssen Brunstad* (f. 1908, d. 1971) g. 1938 m. Bertha Jenny Larsdtr. Aure frå Pihlgarden f. 1911.

Br. frå 1953.

Born: Oddhild Liv f. 1939. Handelsutdaning. Butikkdame. Sjø nedafor. Janne-Lise f. 1942. Student, lærarskulen i Volda. Er no lærar. Gift 1966 m. lærar Lars Oddmund Olavsen Sylte frå Kristiansund, f. 1941. Busett Kristiansund.

Olav Brunstad hadde handelsutdanning, og hadde ymse kontorpostar til han vart tilsett som styrar ved Sykkylven Trygdekasse. I 1939 vart han sjuk (brystsjukdom), og sa då opp arbeidet ved Trygdekassa. Seinare sysla han med rekneskapsarbeid ved sida av arbeidet med bruket som han dreiv saman med mor si i mange år. I 1953 tok han over heile gardsdrifta, og fekk skøyte. Han fekk i 1961 skøyte også på parsellen Fredheim II bnr. 29 med skyld 0,01 mark som mor til Olav, Olivia Olsdtr., hadde kjøpt i 1947 av Ole Karlsen Tynes i Syvergarden. Av same mannen kjøpte Olav Larssen Brunstad i 1960 parsellen Fredheim III bnr. 40 med skyld 0,20 mark.

Olav Brunstad var medlem i Sykkylven kommunestyre, og i skulestyret. Han var også formann i byggenemnda til Sykkylven

## BILETE AV BLINDHEIMS- og TJØNESKARANE.

*Når folket på gardane laga dugnad før i tida, var det fest over arbeidet. Moro med skjemtord og stubbar letta dei tunge taka. Sundagen etter samlast dugnadslaget att til ei kosestund med prat og mat. Karane på Blindheim og Tjønes var serleg kjende for godt naboskap, og fleire av dei var ekte spissburar som kunne få latterdøra opp på vid vegg hjå nokon kvar. Her er desse karane samla til dugnadsfest på Karlplassen på Tjønes (bnr. 9) i 1928 og det er verten, Lars O. Tynes, som har teke biletet.*

*Frå venstre: i svart hatt: Lars Brunstad (Tjønes bnr. 8) I lys hatt: Ole Petter Jenssen Blindheim, (bnr. 1). I lue: Karolus Nyhagen (Blindheim bnr. 5) I lys hatt: Lars Hole (Tjønes bnr. 11). I svart hatt: Peter Tynes i Rasmusgarden bnr. 6. I lys lue: Thomas Lied ( Blindheim bnr. 4). I svart hatt og kvitstripa slips: Jens J. Tandstad (Tandstad Mellom bnr. 3). I grå dress utan lue: Anton Tandstad (Tandstad Ytre bnr. 6) I skjoldalue: Karl O. Tynes i Syvergarden bnr. 7. Bak han under den svarte, hatten: Andreas Riksheim (Tjønes bnr. 10). Ståande bak: vertinna Margit Tynes (bnr. 9). I lys hatt i forgrunnen: Sigvard Tynes i Sjurgarden bnr. 2. i svart hatt: Nikolai Blindheim (bnr. 7). Ståande: Lina Nyhagen (Blindheim bnr. 5). Sitjande i lys lue: Karl Blindheim på Pe-Ola-plassen bnr. g. Under lys hatt med svart band: Karl Johan E. Blindheim (bnr. 26). Bak ståande i lys hatt: Andreas O. Tynes (bnr. 14). Sitjande i framgrunnen med strikkatrøye og svart hatt: Rasmus S. Tynes, Larsgarden ( bnr. 1). Bak i svart hatt: Ole Amundsen Tynes ( Amundgarden bnr. 5). Ståande i lyse klær: O. B. Nilsen (Blindheim bnr. 8). Ståande i mørke klær: Karl Fredrik O. Blindheim i Fredriksgarden bnr. 3, og sitjande i lue Ole Tynes (Dynhaugen. Blindheim, bnr. 23) Småguten i stoveglaset: Ole Larssen Tynes (bnr. 27.)*

BILETE AV BLINDHEIMS- og TJØNESKARANE  
(Frå venstre: i svart hatt: Lars Brunstad (Tjønes bnr. 8) I lys hatt: Ole Petter Jenssen Blindheim, (bnr. 1). I lue: Karolus Nyhagen (Blindheim bnr. 5) I lys hatt: Lars Hole (Tjønes bnr. 11). I svart hatt: Peter Tynes i Rasmusgarden bnr. 6. I lys lue: Thomas Lied ( Blindheim bnr. 4). I svart hatt og kvitstripa slips: Jens J. Tandstad (Tandstad Mellom bnr. 3). I grå dress utan lue: Anton Tandstad (Tandstad Ytre bnr. 6) I skjoldalue: Karl O. Tynes i Syvergarden bnr. 7. Bak han under den svarte, hatten: Andreas Riksheim (Tjønes bnr. 10). Ståande bak: vertinna Margit Tynes (bnr. 9). I lys hatt i forgrunnen: Sigvard Tynes i Sjurgarden bnr. 2. i svart hatt: Nikolai Blindheim (bnr. 7). Ståande: Lina Nyhagen (Blindheim bnr. 5). Sitjande i lys lue: Karl Blindheim på Pe-Ola-plassen bnr. g. Under lys hatt med svart band: Karl Johan E. Blindheim (bnr. 26). Bak ståande i lys hatt: Andreas O. Tynes (bnr. 14). Sitjande i framgrunnen med strikkatrøye og svart hatt: Rasmus S. Tynes, Larsgarden ( bnr. 1). Bak i svart hatt: Ole Amundsen Tynes ( Amundgarden bnr. 5). Ståande i lyse klær: O. B. Nilsen (Blindheim bnr. 8). Ståande i mørke klær: Karl Fredrik O. Blindheim i Fredrikgarden bnr. 3, og sitjande i lue Ole Tynes (Dynhaugen. Blindheim, bnr. 23) Småguten i stoveglaset: Ole Larssen Tynes (bnr. 27.)

linedelte ungdomsskule. Enkja Bertha Larsdtr. sit framleis med bruket, men av buskap har ho att berre 3 - 4 fôringsoksar.

Versonen har i 1975 sett opp nytt hus på bruket. Det er

*Kjell Bernhard Karlsen Blindheim* frå Løvoll, Søvikdal, f. 1939 g. 1966 m. Oddhild Olavsdr. Brunstad frå Tjønes bnr. 8, f. 1939.

Born: Ann-Britt f. 1971. Karl Olav f. 1972.

Kjell Blindheim er mekanikar.

SOLHEIM bnr. 9 (Karlplassen).

Opphavleg husmannsplass under Larsbruket bnr. 1 utskild i 1917 med skyld 0,65 mark.

Første brukaren var

*Karl Johan Sivertsen Tjønes* frå Syvergarden bnr. 7 (f. 1825, d. 1894) g. 1846 m. Ragnhild Toresdr. Brunstad (f. 1818, d. 1894).

Br. ca. 1846 - 1873.

Plassen vart i 1865 kalla Indre Legene, og Karl fødte då 2 kyr 4 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var ½ t. bl.korn, ½ t. havre og 1 t. poteter.

Sonen

*Jens Severin Karlsen Tjønes* (f. 1848, d. på Aure i 1912) g. 1872 m. Anne Knutsdr. Lyshol frå Rasmusgarden (f. 1846, d. 1941).

Br. 1873 - ca. 1885.

Festesetel i 1873 frå Jens Petersen og Karen Jensdr. Tjønes i Larsgarden på denne plassen med eit tilleggstykkje. Kår til Karl og Ragnhild. I 1875 fødte Severin 3 kyr, 2 sauer og 8 geiter. Sånaden var 1¾ t. havre og 2¼ t. poteter. Severin løyste borgarbrev i 1870 og flytte seinare til Aure som kjøpmann. Sjå Aure bnr. 28.

Etter Severin Karlsen kom

*Ole Severin Olaussen Utgard* frå Ytstemyr (f. 1845, d. 1923) g. 1872 m. Anne Andreasdr. Brunstad frå Steinvågen (f. ca. 1850, d. 1921).

Br. ca. 1885 - 1917.

Born: Johanne Marie f. 1874 g.m. Hans Indrevik, Skodje. Ole Andreas f. 1877, d. 1944. Utvs. 953. Andreas f. 1879. Sjå bnr. 14. Lars f. 1882, tok over bruket. Karl f. 1885. Utvs. nr. 950.

Ved sida av arbeidet med plassen dreiv Ole Severin som bøkker i Ålesund.

Sonen

*Lars Olsen Tynes* (f. 1882, d. 1964) g.l. m. Kari Torgeirsdtr. Moan frå Rennebu d. 1914, g.2. 1916 m. Margit Torgeirsdtr. Moan frå Rennebu f. 1895.

Br. 1917 -1964.

Born: Arthur f. 1912. Skreddar i Drammen. Kari f. 1917 g.m. Alf Sagen, Vadheim. Tellmann f. 1919 g. på bruket. Ole f. 1921 g.m. Gerd Bryn frå Oslo. Sjø bnr. 27. Lars f. 1923 g.m. Inger Eriksen frå Ålesund. Sjø Vik under bnr. 1, og Tandstad Mellom bnr. 8. Alf f. 1926, d. 1958 g.m. Ingrid Enstad. Astrid f. 1930 g.m. Trygve Rokseth. Sjø bnr. 36.

Lars O. Tynes kom heim frå USA i 1928 (Utv. nr. 951) og busette seg på Karlsplassen. Men alt i 1917 løyste han ut plassen for 1.650 kroner av Rasmus Sivertsen Tynes i Larsgarden. Lars sette opp nye hus. Ved sida av å drive plassen, arbeidde han som målar. Han hadde kunsthargivnad, og var flink rosemålar og dekoratør. Mest kjend vart han for arbeidet sitt i Sykkylven kyrkje der han sette fargar på treskruden til bilethoggaren Hagerup. Lars O. Tynes var flink til å fortelje og kunne ei mengd med soger frå eldre og nyare tid i bygda.

Sonen

*Tellmann Larssen Tynes* f. 1919 g. 1944 m. Solveig Kristoffersdtr. Velsvik frå Dalsfjord f. 1919.

Br. frå 1964.

Born: Magnhild f. 1945. Syerske. Perdy f. 1948 g.m. Fred Rishaug. Reidun f. 1950. Syerske. Lillian f. 1954. Solfrid f. 1960.

Ved sida av å drive bruket arbeider Tellmann Tynes i møbel-industrien.

MYRA bnr. 10.

Utskild frå Sjurgarden bnr. 2 i 1921 med skyld 0,23 mark. Opphavleg husmannsplass.

*Peter Jenssen Eidem* frå Jenshaugen (f. 1839, d. 1917) g. 1863 m. Severine Hansdtr. Tjønes (f. Sætre 1835, d. 1924).

Br. 1883 - ca. 1920.

Dei hadde tidlegare hatt Rasmusgarden bnr. 6, men måtte flytte frå dette bruket i 1883 og busette seg då på Myra der Peter bygde hus.

I 1921 selde Sigvard Severinsen Tynes i Sjurgarden denne plassen for 3000 kroner til

*Andreas Ludviksen Riksheim* frå Grøngøta (f. 1894, d. 1966) g.1. 1918 m. Petra Olsdtr. Brunstad (Øye bnr. 18) (f. 1896, d. 1931) g.2. 1933 m. Marie Rasmusdtr. Ristesund frå Brisinghaug (f. 1909, d. 1943) g.3. 1947 m. Hansine Andersdtr. Molaup (f. 1897, d. 1964).

Br. frå 1920.

Born: 1. ekteskap: Oddleif f. 1920. Korgmakar. Lovise f. 1922 g. 1943 m. Olav Pedersen Stafset. Sjø Tjønes bnr. 23. Berta f. 1925 g. 1951 m. Edvin Arnesen Tennøy, bustad Blindheim, Borgund. Palma f. 1926, g. 1962 m. maskinist Arvid Antonsen frå Stavanger.

2. ekteskap: Oddrun f. 1934, slumsøster i Oslo. Magda f. 1938 g. 1959 m. Jan Godfredsen Hagen frå Torvik i Romsdal, bustad Åndalsnes.

Andreas Ludviksen Riksheim var 2 år gamal då far hans bleiv på sjøen. 11 år gamal kom Andreas i teneste på Langlo, der han gjekk på skulen og vart konfirmert. Han lærde seg til korgmakar hjå P. I. Langlo, og byrja så eigen korgmakarverkstad på Riksheim i 1913. I 1920 kom han til Myra på Tjønes og kjøpte dette bruket. Han vølte først den gamle stova på plassen, seinare bygde han både nytt stovehus og ny løe. På plassen fødte dei den tida 2 kyr, ungdyr og 4 - 5 sauer.

Korgmakarverksemda heldt Andreas Riksheim fram med på Tjønes og dreiv dette arbeidet så lenge han levde.

Sonen

*Oddleiv Andreassen Riksheim* f. 1920, har teke over korgmakarverksemda. På bruket fôrar han no 14 sauer.

HØGTUN bnr. 11 + BLINDHEIM, NYVOLL, bnr. 14.

Høgtun bnr. 11 utskild frå Åmundgarden bnr. 5 på Tjønes i 1922 med skyld 0,39 mark, Blindheim, Nyvoll bnr. 14 utmarkstykke av Blindheim, fråskilt i 1923 med skyld 0,16 mark.

Første brukaren på Høgtun var

*Lars Larssen Hole* frå Jørngarden (f. 1887, d. 1957) g. 1917 m. Olave Olsdtr. Tynes frå Åmundgarden f. 1891.

Br. 1920 - ca. 1956.



Born: Karoline f. 1918 g.m. Ingvald Lillebø frå Selje. Sjø un der Vik bnr. 6, og Blindheim bnr. 67. Leonhard f. 1922 g.m. Sigrun Antonsdtr. Grebstad. Sjø Grebstad bnr. 54, og Blindheim bnr. 67. Olav f. 1925 g. på bruket. Jorunn f. 1927.

Lars Hole var to gonger i USA. Utvs. nr. 596. Han kom heim for godt i 1916. Man tok over eit stykke av Åmundbruket, og fekk skøyte frå verfaren Ole Amundsen Tynes i 1923 for 1000 kroner. Lars Hole hadde bygt stovehus på stykket i 1920 og løhus året etter. I 1923 kjøpte han eit utmarksykke av blindheimskarane og la det attåt Høgtun. Lars og Olav braut og dyrka opp det heile; og fødde 3 kyr på det. Lars Hole var tidleg ute med å kjøpe sylvrev, og han hadde også blårev, og seinare platinarev. Elles dreiv han fiske, serleg i yngre år, og hadde ei tid motorbåt med verbroren Amund Tynes.

Sonen

*Olav Larssen Hole* f. 1925 g. 1956 m. Oddrun Jørgensdtr. Helle frå Erisfjord og Vistdal f. 1933.

Born: Liv Oddny f. 1957. Judith Nancy f. 1965.

Olav Larssen Hole bygde på huset i 1956. Han er arbeidsformann og medeigar i møbelfabrikken Hole & Lillebo. Sjø Blindheim bnr. 67.

FAGERHEIM bnr. 12.

Folvaplassen eller Ola-plassen.

Opphavleg husmannsplass under Rasmusbruket bnr. 6, utskild i 1924 med skyld 0,32 mark.

Første brukaren var

*Ole Olsen Folva* frå Stryn (f. ca. 1818, d. 1896) g. 1855 m. Regine Rasmusdtr. Østrem frå Borgund (f. ca. 1819, d. etter 1896).

Br. 1855 - ca. 1900.

Ole fekk husmannssetel i 1855 frå Rasmus Pedersen Tjønes i Rasmusgarden. Plassen vart i 1865 kalla Itlegjerdet. Ole fødde i 1875 1 ku, 7 sauer og 4 geiter. Sånaden var 1 t. havre og 2 t. poteter.

Etter Ole og Regine var det ikkje busett nokon på Folvaplassen som vart brukt av Rasmusfolket. I 1925 gav Peter Petersen i Rasmusgarden skøyte på denne plassen til sonen Karl. Han var

i USA (Utv. nr. 956) og han skøyte plassen seinare over til brorsonen

*Paul Johansen Tynes* frå Rasmusgarden f. 1932 g. 1961 m. Reidun Sigmundsdr. Overå frå Liavåg f. 1932. Dei bygde stovehus i 1963.

På plassen fôr dei no 3 - 4 sauer. Paul Tynes arbeider i trevarefabrikken som far hans, Johan P. Tynes eig.

Born: Sølvi f. 1963. Per Jarle f. 1965.

NYTUN bnr. 14.

Eit stykke på 7 - 8 mål vart utskilt frå Solheim bnr. 9 i 1928 med skyld 0,18 mark. Stykket fekk bnr. 14. Lars Olsen Tynes selde stykket i 1930 for 1000 kroner til bror sin

*Andreas Olsen Tynes* (bnr. 9) (f. 1879, d. 1952) g.l. 1903 m. Fredrikke Olsen frå Flekkefjord (f. 1883, d. 1939) g.2. 1948 m. Helene Dahl frå Haramsøy, no busett i Ålesund.

Born i 1. ekteskap.: Otto f. 1904, d. 1946. Var kontormann. Sverre f. 1906, d. ca. 1968, var byggmeister, g.m. Hrefna Samuelsdottir frå Isafjord. Busett på Island. Aasta f. 1908, d. 1916. Torstein f. 1910, g. på bruket. Asbjørn f. 1924 g.m. Inger Siem frå Ålesund. Kontorsjef ved Sunnmøre Meieri i Ålesund.

Andreas Olsen Tynes hadde militærutdanning og gjorde teneste som artillerist ved Oskarsborg Festning, flytte deretter til Odderøy Festning ved Kristiansand der han var i 7 - 8 år, vidare til Bergenhus Festning ved Bergen. Han var også ei tid sjef for «forpleiningskompaniet» ved Tvildmoen på Voss. Han slutta i tenesta ca. 1926 p.g.a. sjukdom og flytte då til Tjønes og bygde hus på dette stykket som han kjøpte av bror sin Lars Olsen på bnr. 9. Andreas bygde også løe på stykket som han braut opp, og fødte 2 kyr. Han var også kommunekasserar i Sykkylven nokre år .

Sonen

*Torstein Andreassen Tynes* f. 1910 i Sarpsborg g. 1939 m. Ida Sivertsdr. Løvik frå Tresfjord f. 1915,

Br. frå 1940.

Born: Arnfinn f. 1945 g. 1969 m. Jorunn Tollefsdr. Laabakk frå Flø, men busett Hvaler. Arnfinn og Jorunn bur no i Fredrikstad. Ivar f. 1953. Mekanikar.

Skifteskøyte til Torstein Tynes i 1940 på denne eigedomen for 4.500 kroner. Etter konfirmasjonen var Torstein ute til sjøs i 4- 5 år

til han i 1933 byrja i møbelindustrien der han har arbeidt sidan som maskinsnikkar. Han har vølt og modernisert stovehuset.

NESET I og II, bnr. 16 og 18.

Industritomter utskifde frå Larsbruket bnr. 1 i 1930 og 1938 med skyld til 0,06 mark.

B. R. TYNES MØBELFABRIKK vart skipa i 1927 av Bernhard Rasmussen Tynes. (Sjå Tjønes bnr. 19). Denne fabrikkjen var den første av dei moderne industriverksemdene som kom til i slutten av 1920-åra i Sykkylven og som fekk så mykje å seie for næringslivet i bygda i tida som fylgde. B. R. Tynes byrja verksemda i huset til foreldra i Larsgarden bnr. 1. Men alt i 1930 sette han opp eige fabrikkbygg på Neset. Der bygde han også kai. I 1934 utvida han bygget både i breidda og høgda, og la då inn sentralvarme og elevator. Det var første elevatoren i Sykkylven, og for fabrikkjen var det eit langt steg framover i rasjonaliseringa av drifta. Seinare kom det nye tilbygg både i 1940 og i 1941 då Tynes sette opp eit større bygg i betong. Fleire og fleire moderne maskinar vart sette inn i produksjonen, og talet på arbeidarar auka også jamt. Då krigen braut ut i 1940, hadde Tynes ca. 100 personar i arbeid. I krigstida vart det vanskar med å skaffe materiale, og talet på tilsette gjekk ned. Då krigen slutta i 1945, var det 25 personar som arbeidde ved fabrikkjen. Ved denne tida starta B. R. Tynes også ein møbelfabrikk på Hamar der han kjøpte eit fabrikkbygg. I 1950-åra hadde Tynes 60 - 70 personar ved fabrikkjen på Hamar, og ca. 60 i Sykkylven. På Hamar vart det etter kvart vanskeleg med bustader for arbeidarane, og i 1957 leigde B. R. Tynes bort fabrikkjen på Hamar til eit firma i Oslo. Frå den tid har Tynes konsentrert seg om fabrikkverksemda i Sykkylven. Fabrikkjen vart herja av lauseld i 1962 då mesteparten av trebygningane strauk med. Etter denne brannen gjekk talet på arbeidarar mykje ned. I 1975 var det ca. 30 personar tilsette ved B. R. Tynes Møbelfabrikk.

Produksjonen har vore møblar, både spiseromsmøblar, soveromsmøblar, salongmøblar, og bord og skap av ymse slag. Ein stor del av produksjonen har vore stilmøblar. B. R. Tynes hadde eiga avdeling for treskurd, og i 1930-åra laga han m.a. spiseromsmøblar og skap utskorne i eik eller bjerk med motiv frå t. d. Per Gynt, Terje

Vigen og Synnøve Solbakken. Mange norske ambassader har stilmøblar frå B. R. Tynes Møbelfabrikk. I 1960-åra laga fabrikkjen også ein dei eksklusive soveromsmøblar til Saudi-Arabia. Prins Kaled, son til kong Saud, brukte møblane i eit slott han bygde i Ryad. Fabrikkjen sende jamvel ned ein mann for å montere møblane. Sjø Gardssoge I, s. 187. Fleire av dei som i unge år byrja som arbeidarar hjå B. R. Tynes, gjekk seinare i gang med egne verksemdar.

#### SOLHEIM bnr. 19

Tomt utskild frå Larsbruket bnr. 1 i 1939 med skyld 0,05 mark.

*Bernhard Rasmussen Tynes* frå Larsgarden bnr. 1, f. 1909 g. 1938 m. Jenny Solheim frå Skien f. 1915.

Born: Jan Robert f. 1940 eksamen frå Handelshøgskulen i Bergen, seinare studieopphald ved Harvard-universitetet i USA. No salssjef for B. R. Tynes Møbelfabrikk, busett p.t. i Oslo. Borgar f. 1944, sjå nedafor. Tove f. 1946, lækjar frå 1975 etter utdanning i Wien. Randi f. 1954. Student.

Bernhard Tynes gjekk snikkarskule på Molde i unge år, seinare handelsskule. Han fekk også utdanning i teikning. I 1927 starta han møbelfabrikk i husa til foreldra sine, men alt i 1930 sette han opp fabrikkbygg. Sjø Neset bnr. 16. B. R. Tynes har stått som leiar for denne verksemda heilt fram til 1975. Han har også sjølv teikna mange av dei møbelmodellane fabrikkjen har bygt produksjonen sin på. Og møblar frå B. R. Tynes Møbelfabrikk finn ein i dag i dei fleste land. B. R. Tynes vert rekna som ein av pionerane for den moderne møbelindustrien.

Jenny Tynes har gitt mange unge i bygda og distriktet undervisning i pianospel. Ho har utdanning som pianist, og har studert m.a. hjå Reimar Riefeling i Oslo.

Bernhard og Jenny Tynes bygde hus på Solheim bnr. 19 i 1939. Dei deler no hus med sonen

*Borgar Bernhardsen Tynes* f. 1944 g. 1972 m. Anna Jonsdr. Sætre f. 1948.

Barn: Anne Britt f. 1972.

Borgar Tynes har handelsutdanning, og er no kontorsjef ved B. R. Tynes Møbelfabrikk.

SOLBERG bnr. 21.

Utskild frå Syvergarden bnr. 7 i 1941 med skyld 0,03 mark.

*Petter Karlsen Blindheim* frå Ulvsbakken bnr. 2 f.1928 g. 1950 m. Minna Lie (Nyborg) frå Bolsøy f. 1924, bygde hus i 1964.

Born: Karsten f. 1951. Laila f. 1952. Arnljot f. 1953. Ellinor f. 1960. Bjørnar f. 1962.

STAVSETH bnr. 23.

Utskild frå Rasmusgarden bnr. 6 i 1945 med skyld 0,02 mark.

*Olav Pedersen Stavseth* frå Skodje f. 1913 g. 1943 m. Lovise Karoline Andreasdr. Riksheim frå Tjønes bnr. 10, f. 1922, bygde hus i 1947,

Born: Arne f. 1944. Øyvind Otto f. 1947. Torunn Petra f. 1949. Liv Haldis f. 1958.

NYHEIM bnr. 24.

Utskild frå Syvergarden bnr. 7 i 1945 med skyld 0,01 mark.

*Martin Peder Iversen Gjerde* frå Ålesund f. 1911 g. 1945 m. Signe Pettersdr. Tynes frå Sjurgarden bnr.2 f. 1910, bygde hus i 1946.

Barn: Jostein f. 1932 g. m. Palma Larsdr. Nysæter. Sjø Blindheim bnr. 75.

SØVIK bnr. 25.

Utskild frå Rasmusgarden bnr. 6 i 1946 med skyld 0,02 mark.

*Ragnvald Søvik* f. 1904 g. 1939 m. Ida Vestre frå Ørskog f. 1909.

Born: Bjørg f. 1940. Signe f. 1944,

LILLEBERGET bnr. 27.

Utskild frå Rasmusgarden bnr. 6 i 1946 med skyld 0,01 mark.

Tomta vart seld i 1949 til

*Ole Sanford Larssen Tynes* frå bnr. 9 f. 1921 g. 1950 m. Gerd Eleonore Bryn frå Oslo f. 1924, sette opp hus i 1950. Han arbeider i industrien. Ho har kontorarbeid.

Born: Roar f. 1952. Tore f. 1955.

NYHEIM bnr. 28.

Utskild frå Brauta bnr. 3 i 1946 med skyld 0,01 mark.

*Petter Thomassen Tynes* frå Brauta bnr. 3 f. 1914 g. 1940 m. Borgny Henningsdtr. Utgård f. 1921, bygde hus i 1946. Han arbeider i industrien.

Born: Torgeir f. 1941 g.m. Alfhild Lødemel. Odd f. 1945. Sigmund f. 1948.

BORGHEIM bnr. 30.

Utskild frå Syvergarden bnr. 7 1948 med skyld 0,01 mark.

*Peder og Borghild Hen* som selde til

*Leif Risnes* frå Tingvoll f. 1933 g. 1956 m. Aud Kirsten Nyhavn frå Hordabø f. 1934. Han arbeider i industrien.

SJØBAKKEN bnr. 31.

Utskild frå Brauta bnr. 3 i 1950 med skyld 0,01 mark.

*Ingolf Duesund* frå Masfjord f. 1915 g. 1940 m. Inga Thomasdtr. Tynes frå Brauta bnr. 3 f. 1916, bygde hus i 1951.

Born: Torbjørn f. 1942. Magnhild f. 1947.

BAKKELY bnr. 33.

Utskild frå Brauta bnr. 3 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Torleif Thomassen Tynes* frå Brauta bnr. 3 f. 1921 g. 1954 m. Martha Gunnhild Oskarsdtr. Engebø frå Hornindal, f. 1930, bygde hus i 1954. Han arbeider i industrien. Torleif Tynes var i ungdomstida interessert medlem og styremedlem i Sykkylven frilynde ungdomslag, og var ein dugande amatørskodespelar.

Born: Oddvar f. 1955. Laila Marie f. 1957, d. 1962 ved trafikkulykke. Gunnhild Torbjørg f. 1964.

ROKSET bnr. 36.

Utskild frå Larsbruket bnr. 1 i 1959 med skyld 0,01 mark.

*Trygve Rokset* frå Kvernes f. 1923 g. 1954 m. Astrid Larsdtr. Tynes frå bnr. 9 f. 1930, bygde hus i 1960.

Born: Jan f. 1955. Lars Arild f. 1959. Margunn Johanne f. 1963. Wenche f. 1966.

HEIMLY bnr. 38.

Utskild frå Syvergarden bnr. 7 i 1959 med skyld 0,01 mark.

*Oddleif Kjørsvik* frå Fræna i 1929 g. 1950 m. Tordis Johanne Jørgensdtr. Svindseth f. 1924, bygde hus i 1961.  
Barn: Berit Torhild f. 1951.

SOLVANG bnr. 42.

*Karl O. Fausa* frå Eidem f. 1923, bygde hus i 1962.

LUND bnr. 44.

Tomt av Larsbruket.

*Rolf Lund* frå Salangsdalen f. 1935 g. 1958 m. Karen Jensdtr. Tynes frå Larsgarden bnr. 1, f. 1938.

Born: Jan Kyrre f. 1958. Ragnhild f. 1966.

Rolf Lund er sjåfør. Karen Lund er likningsfullmektig. Dei bygde stovehus i 1970.

## **Ytre Tandstad, gnr. 20. (Ytste- Øggarden) [\(Til innhald\)](#)**

Ytre Tandstad eller Ytste-Øggarden som garden vert kalla i dagleg tale, er den nørdeste parten av den opphavlege Tandstadgarden. Sjå Tandstad gnr. 21. I 1600- og 1700-åra veksla namnet mellom Ødegaard, Tandestad, Tandestad Ødegaard, Ytter Tandestad, Ytter Tandestad Ødegaard og Ytter Tandestad med Ødegaard. Seinare vart det Ytter Tandestad, Ytre Tandstad eller Tandstad ytre.

Garden ligg i bakkehallet på austsida av Sykkylvsfjorden og grensar i nord til Tjønes, i aust til Straumsdalen og setremarka, og i sør til Tandstad Mellom der det har vore ein gamal hagard. Bytet mellom heimeutmarka til Tandstad og Tjønes var i eldre tid noko uklart, og det var tvist om dette grenseskilet så tidleg som i 1764 då grunneigarane på Ytre Tandstad, Tandstad Mellom og Indre Tandstad melde tjøneskarane for ulovleg skoghogst. Under jordskiftet av utmarka på Tjønes i 1950-åra dukka det opp ei gamal utgreiing om denne bytelina, men merka som var nemnde, m.a. ei årekvitl, blik og skar i fjellet o.s.b. var det vanskeleg å finne fram etter. Jordskifteretten gjorde det så godt som mogleg og stakk ut grensa slik ein meinte utgreiinga måtte tolkast Bytet var også uklart i Straumsdalen mellom setremarka til Tjønes på den eine sida og den sams setremarka til dei tre Tandstad-gardane, Straumgjerde og Straume på den andre sida. Det vart sagt at skogsbytet gjekk frå Tjønesfjellet til Hammarset-tindane, men Tjønes hevda at garden hadde beiterett også sør for denne lina. Etter tradisjonen var denne tvisten oppe i slutten av 1830-åra. Tjøneskarane fekk då støtte frå ein av grunneigarane i Straumsdalen, Jens Rasmus Olsen Strømmegjerde. Han hadde ei dotter som då var trulova med jordaguten i Larsgarden på Tjønes, og vart også gift med han. Jens Rasmus Olsen kom til å bli tunga på vektskåla slik at tjøneskarane fekk viljen sin i gjennom, meiner tandstadkarane. Jordskifteretten i 1959 løyste flo-



ken ved å ta om lag «midt på treet», og bytelina er no klar heilt til fjells.

Den gamle postvegen gjekk på skrå frå gamletunet på Tjønes nedover til sjøen i djupaste Øggardsvika, vidare opp Øggards-brauta til Holane på Tandstad Mellom og sørover mot Inste-Øggarden og Straumgjerde eit godt stykke ovafor den noverande riksvegen. Gamlevegen vart omlagd i 1898, men Tandstad heldt att rett til å nytte gamlevegen til Straumgjerde når dei skulle på setra. Den nye veglina gjennom Tandstadstranda vart flatare og greidde seg bra til den store trafikkauken med bilane kom. Serleg i teleløysinga vårane gjekk det hardt ut over vegen. Bilane braut då heilt i gjennom gruslaget og måtte pløye og braute seg fram. Ofte stod dei heilt fast. Det hende ikkje sjeldan at vegen måtte stengjast for all trafikk til føret betra seg. Frå 1950-åra har vegen vorte utbetra og utvida stykke for stykke, slik at det no er ny veg gjennom Ytre Tandstad.

Petter Olsen Tandstad emna på kai i Øggardsvika i 1920-åra. Den indre delen av Sykkylvsfjorden var ofte plaga av meinis vintrane og det kunne ofte vere vanskeleg for rutebåten å kome seg inn til kaia i Straumgjerde. I slike bolkar la båten til ved Øggardskaia og tok m.a. om bord mjølka og fløyten frå Velledalen Meieri. Velledalingane sparde seg med dette å køyre heilt til Aure.

Kva tid Ytre Tandstad har vorte utskild frå Tandstad som eigen skattegard, er vanskeleg å seie. Garden er ikkje nemnd i tiendepenninglista frå 1520. Det er truleg at han har lege øyde ei tid etter Svartedauden (1349), og såleis har fått namnet Øggarden (Øydegarden). På Ytre Tandstad var det berre eitt bruk fram til 1750-åra då garden vart delt. I 1942 vart det frå bnr. 1 utskilt to småbruk, bnr. 3 og bnr. 4. Elles er berre nokre mindre parsellar utskilde som bustadtomter.

Innmarka var småbytt og etter tradisjonen hadde kvart bruk 33 teigar til jordskiftet i 1895 då teigane vart samla til to på kvart bruk. I tillegg kom Gjerdet i Øggardsstranda på ca. 8 mål. Alle bruk både på Ytst-Øggarden og Tandstad Mellom hadde gjerdestykke her i eldre tid.

Gamleåkrane låg ovafor og nedafor riksvegen, og både åkrane og dei andre teigane hadde namn som dei eldre på garden framleis hugsar. Nedafor vegen var Insteteigen, Meteigane, Tverrteigen som låg ut og inn langs sjøen, Naustteigane, Kjempelia, ein voll bygd av jord og stein eit stykke ovafor notnaustet på Ytre

Tandstad (sjå Sykkylven i eldre tid I, s. 65), Rystene, Storattelega, Jaktevollen der karane drog fram nota og tørka henne, og Tjønesåkeren som høyrde til Øvstegarden bnr. 1. Det var stykfar til Gjertrud Pedersdtr. Tandstad frå Larsgarden på Tjønes, Hans Rasmus Nilsson Tjønes, som i 1870-åra fekk bryte seg opp ein kåråker i Øggardsvika, og frå han har åkeren fått namn. Ovafor vegen var Kalvereiten, Geitråsa, Nova, Tueteigen, Skitdepelen. Itleskiftet, Heggerysta, og øvst oppe Innlegget som var ihopemark før jordskiftet i 1895. Stykket ovafor stovehuset i Nedstegarden bnr. 2 kalla dei Holattelega. Ved bytet inn mot Tandstad Mellom like ovafor vegen låg Haugen med godt utsyn både mot sør, vest og nordvest. Ovafor løa på bnr. 1 var Nystovestykket der Lars Bernt i Nedstegarden sette opp kårstova si først i 1880-åra. Denne stova vart seinare flytt til Straumgjerde og sett opp på Strømmegarden bnr. 9.

Ytre Tandstad var rekna som ein god korngard, tungvunnen, men viss til korn, som det heitte i ein matrikkel frå 1724. Det var serleg blandkorn og havre som vart dyrka her som på dei fleste andre gardane i bygda. Tandstadkarane var flittige til å føre heim dassdunkar frå Ålesund, og dette var gild gjødsel i tillegg til husdyrgjødselen. Dessutan spedde dei på gjødselen med mold.

Skeidd og tust (sluge) var i bruk til 1870-åra då dei byrja å bruke truskemaskin som gjekk med vasskraft. Truskehjulet stod først eit stykke ovafor løa til Øvstegarden bnr. 1, og frå hjulet gjekk det kjetting ned til truskemaskinane i dei to løene. Seinare fekk dei to bruka kvar sitt hjul. Øvstegardshjulet vart flytt eit kort stykke lenger ned. Nedstegardshjulet vart flytt ned om vegen og ned om den nye løa som Andreas Tandstad bygde i 1898. Dei truska med flaumvatn på Ytre Tandstad, og for å samle opp vatn, bygde dei demme ved sommarfjøsane. Garden hadde også rett til å ta tilleggsvatn frå Ådalsgrova på Tandstad Mellom og leie vatnet i veite over Holen.

I 1912 kjøpte nokre gardbrukarar ein oljemotor, og det vart etter kvart slutt med vasshjula. Petter Olsen Tandstad reiste bygda rundt med denne motoren som i 1918, då den elektriske krafta kom, vart avløyst av den elektriske motoren. Ved denne tid kjøpte dei to brukarane på Ytre Tandstad saman med eit par brukarar i Straumgjerde eit nytt truskeverk.

Det er nemnt ei kvern på Ytre Tandstad i 1770, men i 1775 hadde ho falle ned. I 1791 hadde garden fått ny kvern, men det

er uvisst kvar ho stod. Seinare leigde dei to bruka ofte kvern på Riksheim og mol der til dei i 1885 kjøpte seg vassrett av Larsbruket på Blindheim og bygde kvern ved Vikeelva ovafor der nye-skulen på Blindheim no står. Elvestykket ber framleis namnet Øggardshylen. Kverna vart ikkje god, og det gjekk slik at dei heldt fram med å bruke kverna på Riksheim til mylna på Aure kom i drift.

Heimeutmarka til Ytre Tandstad med skogteigar og buhamn ligg ovafor bøgarden. Garden har hatt skog nok til brennefang, mest åre, hatl og hegg. Bjerk har dei hatt lite av, men turvande gagnbein fann dei likevel. Stundom kunne det bli i minste laget med hesbånd og soplingris. Då bytte dei med blindheimskarane som fekk att tindetre- og bandstakermaterial av hatl. Det var serleg geitene som heldt skogen «ned åt», men etter at folk slutta med geitehald først i 1900-åra, rann skogen fort opp. Ytre Tandstad har også skogteigar i Straumsdalen, og her er det litt meir bjerk. Det finst også noko fure. Etter at dei fekk køyrande veg; til Straumsdalen ca., 1906, har dei år om anna drive fram ein del famneved for sal.

I gamal tid var det fureskog også i Tandstad-markene På fleire stader både i setremarka og i heimemarka har ein funne merke etter tjørehjellar og kolmiler. Såleis har det vore ein tjørehjell eit stykke nord for stabburet på bnr. 1. Ca. 1910 vart det planta litt skog i Tandstadstranda av Petter Olsen på bnr. 1 og i 1960-åra kunne dei hogge tømmer både til lømaterial og stovematerial frå dette plantefeltet.

Buhamna var «god og tilstrekkelig, men ubekvemmt beliggende» heitte det i matrikkelførearbeidet i 1864. Alle tre Tandstadgardane hadde då sambeite i heimehamna. I Tandstadstranda hadde alle bruk kvar sine slåtteteigar som dei kalla Gjerda, og som i si tid må ha vore innlagde frå buhamna. I 1895 fekk Ytre Tandstad utskild si eiga buhamn. Ved jordskifte av heimeutmarka i 1950 vart buhamna med skogteigar utlagde til eigedoms grunn.

Ytre Tandstad hadde setremarka si i Straumsdalen med stølar på Hindaholen og på Langeneset. Sjå Sykkylven i eldre tid I, s. 113.

Gamletunet på Ytste-Øggarden låg på bakkekanten sør for løa til Bernt Tandstad på bnr. 1. Rasmus Rasmussen på bnr. 1 flytte i si brukstid (1783 — 1807) stovehuset sitt lenger opp i bakken, og bruket bar lenge namn etter han. Løene stod ende i ende eit stykke lenger nord med ein våndavegg (vegg av tørre

einekvisstar) til skilje. Slik var det til 1898 då Andreas Nilssen Tandstad i Nedstegarden sette opp ny løe eit stykke nedafor vegen.

I 1907 bles denne løa ned. Om dette fortel Marte Berntsdr. Tandstad: «Det var ein dag ut på etterjulsvinteren. Det bles sterkt frå sørvest. Då eg hadde akta frå meg og skulle heim att, var det som om nokon sa til meg: «Lat opp gluggen, Marte!» Eg gjorde det, og seinare skyna eg at dette truleg berga løa vår. Eg sette meg i veven då eg kom inn att, og i det same braut stormen inn frå nord. Byga var så sterk at ho reiste med skorsteinen på huset og braut inn lødørene. Eg sprang ut og i det same ropte Andreas i Nedstegarden: «Å nei, å nei, sjå løa mi!» Det var eit trist syn. Veggene hadde gått utover og stavane sprikte no i alle leier. Mønet var brote beint ned, og stormen reiv i høyet. I det same kom ho Marie i Nedstegarden og fekk sjå kva som hadde hendt, og ho sette straks i å rope: «Tausene mine, tausene mine!» «Kvar er dei?» sa eg. «Fram i fjøsa», svarte ho, og vi sprang det snøggaste vi vann og ropte på dei. Det svarte frå smalfjøsen, men døra var fastklemd så vi rikka henne ikkje. Eg treiv ei øks og kløyvde henne, og der stod jentene hennar uskadde mellom nedbrotne åsar frå låven. Vi drog eit åttringssegel over høystålet for å verje det mot stormen, og dyra jaga vi opp i Rasmusfjøsane.»

Dei to brukarane på Ytre Tandstad la inn springvatn til husa sine alt i 1895. Dei nytta ½ toms røyrrer. Sidegreiner av desse røyrene var framleis i bruk i 1969.

Næringsgrunnlaget på garden har vore åkerbruk og feal heilt fram til 1950-åra. Dessutan har fisket spela ei stor rolle. Dei fleste av gamlekarane dreiv vinterfisket etter torsk. Garden låg også lagleg til for heimefiske i fjorden. Silda og makrellen gjekk årvisst inn på Øggardsvika og lenger inn i fjorden, elles var der bra med fisk året rundt. Brukarane på Ytste-Øggarden hadde part i Innfjordnota med naust på Sandneset. Dessutan hadde dei tre Tandstadgardane ei slengenot og ein åttring som høyrde til. Øvstegarden hadde også part i Bytningsnota som hadde naust på Erstad. Mange gode varp gjorde dei med desse nøtene sine. Under krigen 1940 — 1945 hadde kvar av brukarane på Tandstadgardane 400 -- 600 kroner i lott på slengenota, og det var såleis ei god attåtinntekt. Dessutan heldt dei seg med god kokefisk. Etter kvart som fleire og fleire av den yngre generasjonen byrja å ar-

beide på fabrikkane, vart det færre heime til å bruke nøtene. Slengenota vart seld i 1950-åra og notlaget oppløyst.

I 1940-åra sette brørne Erling og Karl P. Tandstad opp ein Trevareverkstad på Ytre Tandstad og laga glaskarmar og dører. Huset brann ned i 1944, og K. P. Tandstad bygde ein ny verkstad i Øggardsvika og dreiv denne nokre år. Erling Tandstad flytte til Straumgjerde og byrja med fabrikk der. Bnr. 38.

Siste åra har det vorte utskilt nokre tomter frå bruka på Ytre Tandstad og nye bustadhus er komne opp, serleg i Tandstadstranda.

#### MATRIKKELGARDEN.

Ytre Tandstad (Ytre Tandestad Ødegaard) var etter gammalt halvgard med ei skyld på ½ våg fiskeleige på førstninga av 1600-talet. Landkommisjonen i 1661 sette skylda til 2 våger, men ved den nye skyldsettinga i 1666 vart skylda fastsett til 1½ våg 27 mrk., eller som det oftast vart skrive 1 våg 2 pd. 15 mrk. Prøve-matrikkelen frå 1724 ville ha skylda til 2 våger att, men dette vart ikkje gjort gjeldande. Skylda 1 våg 2 pd. 15 mrk. var uendra til 1838 då det kom ny skyld, 3 dlr. 4 ort og 16 skl., revidert 1890 til 6,86 skyldmark.

Leidangen var først på 1600-talet 3 kalvskinn og frå 1666 var den 4 kalvskinn. I 1705 var leidangen 1 ort og 8 skl. Tienda var i 1666 1 t. 3 ½ mællag havre, ½ mællag bygg og 1 pd. ost. I 1717 var tienda 2 t. havre og 24 mrk. ost eller 36 skl.

#### EIGARAR.

Ytre Tandstad var Rosenkrantzgods først på 1600-talet, kanskje gammalt arvegods frå Losnaætta. Sjø under Grebstad. Ca. 1630 kjøpte borgarmeister Rasmus Larsen Stud i Bergen mykje av dette godset, m.a. også Ytre Tandstad, som seinare gjekk over til versonen, Henning Hansen Smith på Giske. I 1684 var det brorson hans, magister Nils Pedersen Lem i Bergen som stod som eigar, men i slutten av 1600-åra løyste Margrethe Henningsdtr. Smith ut Ytre Tandstad. Ho var gift med lagmann Hans de Fine. Syster hennar, Henningia, fekk så i 1721 skøyte på garden, og nokre år seinare gjekk han over til ei anna Smith-syster, Elsebeth g. 1. m. Johan Frimann, g. 2. m. generaltollforvaltar Johan Gar-

man. Ytre Tandstad var i Frimannsætta si eige til 1745 då handelsmannen Knut Høeg kjøpte garden. Han gifte seg med enkja etter Paul Olsen Abelset, Elisabet Marie f. Brandal. I eit skiftebrev etter ei Maren Paulsdr. Abelset i 1746 står Ytre Tandstad oppført som hennar eigedom, men garden må ha falle attende til Knut Høeg, for i åra som fylgde var det han som hadde råderetten, seinare vart det enkja hans. I 1787 gav fogden Nordløyv skøyte på halve Ytre Tandstad, 2 pd. 19½ mrk., til Peder Davidsen Teigene for 75 rdl. Dette var bnr. 2. I skiftet etter Berte Pedersdr. Teigene i 1807 vart garden utlagd til enkjemannen Paul Arnesen Teigene (Bigset) og borna deira. Dei selde i 1823 til Amund Olsen Velle for 180 spd. Sjå vidare under bnr. 2. Den andre halvparten av Ytre Tandstad, bnr. 1, fekk Nils Wind skøyte på i 1789 frå sorenskrivar Bull. Dotter til Nils Wind, Barbara Hendrikke Wind, ervde dette bruket i 1810. Ho vart gift med kaptein Ludvig Daae på Solnør. Han selde bruket i 1833 til Amund Larssen Tandstad (Mellom) i Pålgarden for 300 spd. I 1884 selde så Amund til Ole Petersen Ytre Tandstad som dermed vart sjølveigar. Sjå under bnr. 1,

#### BRUKARAR.

*Ole Knutsen Ytre Tandstad* brukte heile Ytste-Øggarden 15— ca. 1612, sidan visstnok halvparten til ca. 1618. Han fekk i 1606 ei bot på 5 rdl. for å ha slege til Ole Ellingsen Ytre Ikornnes med ein årelomb. I 1611 vart han utkommandert til Kalmarkrigen.

*Peder Olsen* brukte ein del av garden, truleg halvparten ca. 1612—ca.1618.

*Anders Arnesen Ytre Tandstad* skatta av heile garden ca. 1618 - — ca. 1640. I hans tid var det også ein husmann som heitte Anders på Ytre Tandstad.

*Torsten Olsen Ytre Tandstad* f. ca. 1616.

Br. ca. 1640—ca. 1695.

I 1658 skatta han av 1 hest, 14 kyr og 12 sauer.

Sonen

*Peder Torstensen Ytre Tandstad* (f. ca. 1661, d. 1711) g.m. Guri Pedersdr. d. 1721.

Br. ca. 1695—1711.

Skiftebuet etter Peder hadde i 1711 ei brutto eige på 65 rdl. og ein gjeld på 4 rdl. Enkja Guri Pedersdr. gifte seg att med

*Ole Jonsen* (f. ca. 1669, d. 1747) g. att 1722 m. enkja Synnøve Klausdr. Brunstad (f. Helsem ca. 1651, d. 1748).

Ole fekk bygselsetel i 1714 av Hans Møller på 3½ mællag, d.v.s. om lag halve garden, og sat med dette til 1720. Skiftebuet etter Guri Pedersdr. i 1721 synte ei brutto eige på 56 rdl. og ein gjeld på 16 rdl.

Den andre halvparten av garden tok son til Peder Torstensen og Guri Pedersdr. over. Det var

*Torsten Pedersen Ytre Tandstad* (f ca. 1691, d. 1775) g. 1. m. Målfrid Olsdr. (f. ca. 1700 d. 1761). Ho var truleg frå Brunstad, evt. dotter til Synnøve Klausdr. i det første ekteskapet hennar med Ole Gregoriussen Brunstad. Torsten gifte seg att i 1764 med enkja Kari Andersdr. (f. ca. 1705, d. 1773).

Torsten fekk bygselsetel frå Hans Møller på 4 mællag i 1714, og i 1720 på 3½ mællag som stykfar hans hadde brukt. Sidan brukte Torsten heile garden til 1751. Han fødde 1 hest og 14 kyr, og sådde 1 t. bygg og 5 t. havre i 1717. Torsten dreiv handel.

Først i 1750-åra delte han garden mellom to av døtrene sine. Sjå bnr. 1 og bnr. 2.

#### ØVSTEGARDEN bnr. 1

(Rasnmsgarden, Lensmannsgarden).

Torsten Pedersen Ytre Tandstad let i 1755 over halve garden til versonen

*Peder Olsen Strømmegjerde* (f. 1724, d. 1800) g. 1. 1755 m. Siri Torstendtr. Ytre Tandstad (f. 1729, d. 1765) g.2. 1766 m. Marte Davidsdr. Grebstadbøen (f. 1731, d. 1799). Ho var dotter til David snikkar. Sjå Gamle husmannsplassar på Kagholen, Grebstad. Peder Olsen brukte 2 pd. 19½ mrk. frå 1755 til ca. 1783. Skiftebuet etter førstekona Siri Torstensdr. i 1765 synte ei brutto eige på 67 rdl. og ein gjeld på 14 rdl,

Versonen

*Rasmus Rasmussen Strømmegjerde* (f. 1752, d. 1825) g. 1783 m. Guri Pedersdr. Ytre Tandstad (f. 1756, d. 1842).

Br. 1783—1807.

Bruket var på 2 pd. 19½ mrk. I 1802 fødde han 1 hest, 7 storfe og 14 småfe. Sånaden var 3 t. havre, ½ t. bl.korn. Bruket var verdsett til 151 rdl. Rasmus flytte stovehuset litt lenger opp i

bakken der det står no. Skiftet etter Rasmus i 1825 synte ei brutto eige på 74 rdl. og ein gjeld på 52 rdl. Versonen

*Torsten Jakobsen Kursetgjerde* (f. 1786, d. 1809) g. 1807 m. Siri Rasmusdr. Ytre Tandstad (f. 1785, d. 1842).

Br. 1807—1810.

Bygselsetel frå Nils Wind i 1807 på 2 pd. 19½ mrk. Kår til Rasmus Rasmussen. Torsten vart ikkje lenge brukar på Tandstad. Han bleiv i Langenesvatnet i 1809 saman med tre av grannane sine. Sjø under innleiinga til Tandstad gnr. 21. Skiftebuget etter Torsten hadde ei brutto eige på 84 rdl., og ein gjeld på 17 rdl.

Enkja Siri Rasmusdr. gifte seg att i 1810 med

*Ole Serkvidsen Helsem* (f. 1772, d. 1855).

Br. 1810—1842.

Bygselsetel frå verja til Barbara Hendrikka Wind i 1810 på 2 pd. 19½ mrk. Ved den nye skyldsettinga i 1838 fekk bruket 1 dlr. 4 ort og 20 skl. i skyld.

Etter Ole kom

*Peter Ellingsen Tandstad* frå Pålgarden (f. 1813, d. 1887) g.l. 1841 m. Berte Olsdr. Løvoll (f. 1815, d. ca. 1867) g.2. 1876 m. Stine Toresdr. Hundeide (f. 1814, d. 1883).

Br. 1842—1868.

Born: Ole Elias f. 1843 g. på bruket. Nikoline f. 1849 g.m. Elling Guttormsen Hole.

Peter Ellingsen fekk bygselbrev i 1842 frå Amund Larssen Tandstad. Kår til Ole Serkvidsen. Ved sida av arbeidet på garden dreiv Peter vinterfiske, og dessutan feitsildfiske i Sykkylvsfjorden. I 1865 fødde han på bruket 1 hest, 8 kyr, 12 sauer, 6 geiter og 1 gris.

Peter Ellingsen gjekk over på kår i 1868 og let bruket over til sonen

*Ole Elias Petersen Tandstad* (f. 1843, d. 1895) g. 1870 m. Gjertrud Petersdr. Tjønes frå Larsgarden (f. 1850, d. 1928).

Br. 1868 — 1901.

Born: Peter Bastian f. 1870 g. på bruket. Karen f. 1885, d. 1956.

Ole Elias bygsla garden i 1868 av Amund Larssen Tandstad som tok atterhald om råderetten over halve skogteigen «Svarthammaren». I 1878 bygde Ole og far hans ei litlestove og eit



kammers attåt stovehuset. Ole løyste ut garden i 1884 av Amund Larssen Tandstad for 2.800 kroner, og var dermed sjølveigar.

I 1875 fødte han 6 kyr, 4 ungfe, 16 sauer, 9 geiter og 2 svin. Sånaden var 3 t. bl.korn, 4 t. havre og 5 t. poteter. Skylda vart i 1890 revidert til 3,43 skyldmark.

Sonen

*Peter Olsen Tandstad* (f. 1870, d. 1955) g. 1900 m. Marte Berntsdr. Haugset frå Bakken bnr. 7 (f. 1877).

Br. 1901 — 1942.

Born: Ole (f. 1900, d. 1918). Bernt Konrad f. 1902, lensmann i Sykkylven, tok over bruket. Peter Johan f. 1907. Utvs. nr. 909. Erling f. 1909 g.m. Johanne Petersdr. Riksheim. Sjø Straumgjerde bnr. 33. Karl Johan f. 1911 g.m. Ebba Johansen frå Ballangen. Sjø bnr. 3. Tomas f. 1912 g. m. Ingrid Dalhaug frå Bjørnsund. Kjøpmann på Straume. Martin f. 1914 g. 1945 m. Olaus Bergset frå Tretten. Lensmann.

Peter O. Tandstad lærde seg til bygningsmann og snikkar i unge år. Han var to gonger i USA. Utvs. nr. 903. Marte var meierske for ho gifte seg. I 1901 fekk Peter skøyte på bruket frå mor si og ein part i Riksheims meieri for til saman 3000 kroner og kår. Peter vart vanfør i beina i 1909 og måtte seinare gå med to stavar. Men trass i dette greidde han å legge ned eit stort arbeid på garden. Såleis braut han og dyrka opp ca. 40 mål jord. I 1930 fekk han Møre Landbruksselskaps diplom og premi for jorddyrking og gardsstell. Peter Olsen dreiv også feitsildfiske med not i Sykkylvsfjorden.

Sonen

*Bernt Petersen Tandstad* f. 1902 g. 1934 m. Anna Johanne Svendsdr. Eidsvik frå Ålesund f. 1903, var lensmann i Sykkylven. Sjø Klokkehaug bnr. 18. Han fekk skøyte på bruket frå far sin i 1942 og har brukt garden frå den tid. I 1937 bygde han hus på Klokkehaug og bur der. Han har ofra mykje arbeid på farsgarden, m.a. har han bygt om låa. Ei tid dreiv han mykje med korndyrking.

Sonen

*Per Svein Berntsen Tandstad* f. 1939 g. 1964 m. Ingrid Breistein frå Odda.

Tok over eiegen i 1968, og bygde same året nytt stovehus. Dei har baa lærarutdanning. Per Svein Tandstad er adjunkt frå 1965. Barn: Bernt Inge f. 1965.

NEDSTEGARDEN bnr. 2.

Torsten Pedersen Ytre Tandstad lèt i 1751 over halve garden til  
versionen

*Lars Jetmundsen Sætre* (f. 1725, d. 1791) g. 1752 m. Ellen Torstensdtr.  
Ytre Tandstad (f. 1729, d. 1803).

Br. 1751—1788.

Bygselsetel frå Knut Høeg i 1751 på 2 pd. 13½ mrk.

Sonen

*Torsten Larssen Ødegård* (f. 1753, d. 1828) g. 1788 m. Berte Jakobsdtr. Tu (f.  
1749, d. 1829).

Br. ca. 1788—1801.

Dei hadde ikkje born. Skiftebuet etter Torsten i 1828 synte ei brutto eige på 83  
spd. og eia gjeld på 19 spd.

Bror til Torsten tok over bruket. Det var

*Ole Larssen Tandstad-Ødegård* (f. 1769, d. 1809) g. 1808 m. Berte  
Larsdtr. Straume (f. 1784, d. 1869).

Br. 1801—1810.

Bygselsetel i 1801 frå Paul Arnesen Teigene. Ole må truleg ha  
drive garden saman med bror sin Torsten dei første åra, for Torsten  
får kår først frå 1808. Men året etter bleiv Ole Larssen i  
Langenesvatnet saman med tre av grannane sine. Sjø innleiinga til  
garden. Ole hadde ikkje born. Skiftebuet hans i 1809 synte ei brutto  
eige på 121 rdl., og ein gjeld på 19 rdl.

Enkja Berte Larsdtr. gifte seg att i 1810 med

*Elling Ellingsen Velle* frå Karigarden (f. 1780, d. 1854) .

Br. 1810-1838.

Bygselsetel frå Paul Arnesen Teigene og borna hans på 2 pd.  
19½ mrk. i 1810. Paul Arnesen selde dette bruket i 1823 for 180 spd.  
til Amund Olsen Velle som var halvbror til bygslaren Elling  
Ellingsen. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på  
Elling sitt bruk, 2 pd. 19½ mrk., endra til 1 skyld-dalar 4 ort og 20 skl.  
Elling og kona gjekk over på kår i 1838 og let bruket over til sonen

*Lars Bernt Ellingsen Ytre Tandstad* (f. 1813, d. 1888) g. 1837 m. Berte  
Jetmundsdtr. Kjemphol frå Ingarden (f. 1815, d. 1891).

Br. 1838—ca. 1884.

Bygselsetel frå farbroren Amund Olsen Velle i 1838. Lars Bernt fødde i  
1875 1 unghest, 8 kyr, 1 okse, 1 ungdyr, 16 sauer, 9 geiter og 1 gris.  
Sånaden var 3 t. bl.korn, 4 t. havre og 5 t. poteter. Etter Lars Bernt gjekk  
bruket over til

*Andreas Nilssen Eidem* frå Åmundgarden (f. 1856, d. 1953) g. 1882 m. Johanne Marie Larsdtr. Riksheimgjerde (f. 1866, d. 1939).

Br. ca. 1884—1925.

Born: Lars Karl f. 1883 g. på bruket. Anton f. 1885, d. 1888, Anna f. 1890, d. 1915. Jensine f. 1892, d. 1917. Ane f. 1895, d. 1916. Anton f. 1899 g.m. Anne Hansdtr. Straumgjerde. Sjø Ytre Tandstad bnr. 6. Nils f. 1904 g.m. Borghild Karlsdtr. Hole. Sjø Eidem bnr. 11.

Gardeigaren Amund Olsen Velle lèt verson sin Bastian Martinussen Velle i Karigarden få denne garden, og Bastian bygsla garden ca. 1884 til brorson sin Andreas Nilssen Eidem som seinare løyste ut bruket og vart sjølveigar. Han sette opp nytt stovehus i 1885, og nytt løhus nokre år seinare.

Ved den nye skyldsettinga i 1890 fekk bruket 3,43 mark i skyld.

Sonen

Lars *Karl Andreassen Tandstad* f. 1883, g. 1921 m. Oline Olsdtr. Holen frå Bondalen (f. 1891).

Br. 1925—1953.

Born: Olav Tor f. 1923, er no eigar av bruket. Åse f. 1926, bankassistent. Liv f. 1929, barnepleierske, g.m. Gunnar Christiansen.

Lars Karl Tandstad gjekk folkehøgskule og landbruksskule i unge år. Ved sida av arbeidet med garden dreiv han agenturverksemd og var inspektør.

Sonen

*Olav Larssen Tandstad* f. 1923 g.l. 1950 m. Eva Einarsen (d. 1952) g.2. 1956 m. Marit Knutsdtr. Hellandsjø frå Sør-Trøndelag f. 1930.

Barn: Tor Olav f. 1963.

Olav Tandstad er utdانا ingeniør frå Gøteborg Tekniska Institut, arbeidde ei tid i Norske Esso, er frå 1968 innkjøpssjef i Ålesund kommune. Marit, kona hans, er sjukesyster. saman med far sin har Olav vølt og modernisert stovehuset, men Olav har vore busett i Ålesund, slik at det har vore foreldra hans som har stått føre gardsdrifta.

VIKLUND bnr. 3 og BERGET bnr. 5.

Parsellen Viklund vart frådelt Øvstegarden bnr. 1 i 1942 med

skyld 0,51 mark. Tomta Berget bnr. 5 vart frådelt bnr. 3 i 1947 med skyld 0,03 mark. Det var son til Peter Olsen Tandstad på bnr. 1 som i 1942 tok over parsellen Viklund.

*Karl Johan Petersen Tandstad* f. 1911 g. 1931 m. Ebba Alvilde Kristine Johansen frå Ballangen f. 1910.

Born: Martin Ole Gerhard f. 1931 g. på bruket. Kåre Oskar Hilling 1 1933, inspektør, g.m. Oddveig Farstad frå Ellingsøy f. 1933. Bustad Bærum. Palma Gjertrud f. 1934 g.m. Knut Johansen Maude frå Hjørundfjord f. 1935. Bustad Vegsund. Gustav Johan i 1936 g.m. Gunda Leset frå Ørlandet. Sjå Tandstad Mellom bnr. 17. Bjørg f. 1938 g.m. Lars Knutsen Rønning frå Hjørundfjord. Sjå Tandstad bnr. 7. Judit Bergfrid f. 1939 g.m. Sigbjørn Anderssen Hjelbakk frå Hornindal. Bustad Lerstad. Målfrid Pauline: i. 1940 g.m. Tore Jakobsen Årskog. Bustad Bondal. Øivind Jarle f. 1942 g.m. Solveig Midttun frå Flekkefjord. Bustad Bjørkelangen. Han er kontormann. Odd Magnus f. 1944, murar, g.m. Gerdny Hjelle frå Førde. Bustad Førde. Karen Gudveig f. 1949 g.m. Jostein Johannessen Høydal frå Volda.

Det var i 1942 K. P. Tandstad tok over denne parsellen av farsgarden. Han arbeidde først ved ein trevarefabrikk som broren Erling bygde på Tandstad i 1930. Då Erling Tandstad flytte til Straumgjerde, tok Karl P. Tandstad over huset på Tandstad i 1936 og dreiv fabrikk sjølv til sommaren 1946 då huset brann ned til grunnen. Det var då det vart fråskylddelt ei tomt i Øggardsvika, Berget bnr. 5, og her byrja Karl P. Tandstad å setje opp ny fabrikk. Huset vart bygt i fleire etappar. Det arbeidde 12—15 mann ved verksemda då det var på det meste. Produksjonen var for det meste stolgrindar.

I 1958 kom verksemda i økonomiske vanskar, og fabrikkarbeidet vart nedlagt. Saman med sonen Martin ominnreidde dei seinare fabrikkhuset til driftsbygning for gardsbruket, og Karl P. Tandstad gjekk inn for arbeidet med bruket. Han hadde bygt stovehus i to høgder på bruket i 1942, og fram gjennom åra hadde han dyrka opp stykket sitt. Dessutan har han hausta for frå fleire bruk i grenda som i dei siste åra ikkje har vorte drivne av eigarane. I 1974 fødde Karl og Ebba Tandstad 1 hest, 6—7 mjølkekyr, ca., 70 vinterfødde sauer, og dei fôrar også fram ca. 100 slaktegrisar for året.

K. P. Tandstad har vore med i kommunestyret frå 1946 til 1951, i formannskapet frå 1948 til 1951, medlem i skulestyret,

formann i byggenemnda for Tandstad nye skule i Straurngjerde, og også formann i byggenemnda for bedehuset i Straumgjerde.

Sonen

*Martin Ole. Gerhard Karlsen Tandstad* f. i Ballangen 1931, g. 1950 m. Kristine Ragnhild Kristensdtr. Seljeset frå Indre Hornindal f. 1930.

Born: Kjell Per f. 1951. Gerd Marit f. 1953. Even Karsten f. 1955. Kristen Steinar f. 1957. Tore f. 1958. Sigrid f. 1960.

Martin Tandstad har gått underoffiserskule. Han var m.a. med i Tysklandsbrigaden, seinare som frivilleg ved SN- (FN-) styrkane i Kongo og ved Gaza. Elles har han vore kontormann, m.a, kontorsjef ved Emco møbelfabrikk i Straumgjerde ei tid, til han saman med bror sin Gustav Tandstad starta agenturforretninga «Handelskompaniet A/S» med kontor i Straumgjerde.

Martin Tandstad løyste ut bruket Viklund med hus i 1958 og tomte Berget med hus i 1962. saman med far sin har han både bygt på driftsbygninga og modernisert stovehuset.

Gustav Tandstad var i yngre år ein interessert organisator for ungdomslaget og idrottslaget i Straumgjerde, og la ned mykje arbeid der. Han var også formann i Sykkylven Folkeopplysningsråd ein bolk.

FJELLTUN bnr. 4,

Parsell frådelt Øvstegarden bnr. 1 i 1942 med skyld 0,28 mark. Det var son til Peter Olsen Tandstad som tok over dette stykket,

*Thomas Petersen Tandstad* f. 1912 g. 1945 m. Ingrid Dalhaug frå Nordre Bjørnsund f. 1917. Sjå om dei og familien under Straume bnr. 16.

Dei har sett opp driftsbygning på stykket og i 1973 bygde dei stovehus. Elles har Thomas og Ingrid Tandstad drive forretning på Straume.

VÅRTUN bnr. 6.

Utskilt frå bnr. 2 i 1953 med skyld 0,02 mark.

*Anton Andreassen Tandstad* (Ytre) frå bnr. 2 (f. 1899) g. 1934 m. Anne Pernille Hansdtr. Straumgjerde (f. 1901, d. 1937) var i 3 år styrar ved Elias Vinje si forretning i Straumgjerde. Frå

1931 til 1963 dreiv han sjølv landhandel på Ikornnes. Bygde stovehus på «Vårtun» 1962, og naust i 1964.

Barn: Aslaug Petra f. 1936, g.m. Trygve Austrheim frå Gloppen.

BjørKLUND bnr. 7.

Tomt utskild frå Nedstegarden bnr. 2 i 1960. Skyld 0,01 mark.

*Lars Knutsen Rønning* frå Molaupen i Hjørundfjord f. 1931 g. 1956 m. Bjørg Karlsdr. Tandstad frå bnr. 3, f. 1938. Han er møbeltapetserar. Dei bygde hus i 1961.

Born: Elin Margaret f. 1956. June Målfrid f. 1958. Laila Brynhild f. 1958. Kåre Magne f. 1963. Mona Lisbeth f. 1967.

STRANDABØ bnr. 9.

*Åse Larsdr. Tandstad* frå Nedregarden bnr. 2, f. 1926, bankassistent, bygde hus i 1974,

Son frå ekteskap: Ståle f. 1950, student ved N.T.H. Trondheim.

## **Tandstad, gnr. 21. (Tandstad Mellom)**

[\(Til innhald\)](#)

Namnet har vore skrive Tanstad i 1603, Thandestadt i 1606, Tandestad i 1620. Garden grensar i nord til Ytre Tandstad, i sør til Indre Tandstad, i vest til Sykkylvsfjorden og i aust til utmarka opp mot fjellet. Utmarka stig nokså bratt opp frå terrassen og hallinga der bøane ligg. Løypeurda strekkjer seg opp bergsida i nord mot Ytre Tandstadsida, så kjem Nedstehammaren og Øvstehammaren og dannar midtpartiet, og ovafor høgderyggen Rabben i sørlege luten av lia ligg Røvarurda. Bak fjellbruna opnar det seg ein vakker fjelldal, Straumsdalen, med Langenesvatnet innover mot sørenden av dalen under Hjortdalskoppen. I 1809 bar det til ei syrgjeleg ulykke i dette vatnet. Johannes Jakobsen Tandstad frå Johannesgarden bnr. 1. Elling Ellingsen Tandstad frå Jakobsgarden bnr. 3, Torsten Jakobsen Ytre Tandstad frå Øvstegarden bnr. 1 og Ole Larssen Ytre Tandstad frå Nedstegarden bnr. 2 hadde vore på vestsida av vatnet for å ta bork og never. På heimvegen sette dei over Langenesvatnet i ei pramme. Men så rende dei seg fram på ein stein. Pramma gjekk rundt, og dei bleiv alle.

Tandstad er ein gamal gard. Funn i jorda syner busetting alt i jernalderen, men truleg er busettinga eldre. Karolus Jakobsen Tandstad, brukar i Johannesgarden frå 1841, braut jord på Sandneset og fann då to øksar av jarn og 3 halve sverd. Funnet vart meldt til Bergens Museum, og etter tradisjonen var det folk frå museet som henta dei tinga Karolus fann. Seinare grov Elias Tandstad i Johannesgarden om lag på same staden som verfaren Karolus fann sverdmolane, og kom då fram på ein spydspiss frå yngre jernalderen. Mykje talar for at det har vore gravrøyser på Sandneset. Sonesonen til Elias, Elias Carlsen Tandstad, fortel at der er ein naturleg, flat avsats i bakkehallet nedanfor funnsfaden, og denne flata ber namnet Vollen, Sandnesvollen, som også har vore nytta som tørkarstad for not. Ein gong Elias pløgde

mark her, kom han ned på ein merkverdig steinformasjon. I den eine steinen, som var større enn dei andre og som låg på ca. 6 tommars djupn, var det slik underleg glym. Steinen var for stor til å arbeide med for hans føremål, men Elias meiner at både den store steinen og steinformasjonen rundt kunne vere verd ei nyrare gransking når ein tenkjer på kva ein hadde funne tidlegare på denne staden. Kanskje kunne også desse steinane ruge over minne frå gamal tid.

Mykje truleg har både Ytstøggarden (Tandstad Ytre) Instøggarden (Tandstad Indre) og Tandstad opphavleg vore e i n gard. Kva tid dei to første gardane har vorte utskilde frå Tandstad, er vanskeleg å seie, men det må ha vore f ø r Svartedauden i 1349. Hoveddelen Tandstad har knapt lege øyde etter Svartedauden. I Tiendepenninglista frå 1520 er det nemnt e i n brukar på Tandstad. Han heitte Pål, og han la 2 lodd sylv i skatt, og ½ lodd sylv for jord han åtte. Etter skatten å dømme har han stått seg bra økonomisk. Sjølvveigar kan han også ha vore, endå dette er uvisst. Han kunne eige anna jord enn den han brukte sjølv, det var ikkje uvanleg. I 1600-åra og heilt fram til 1899 var det 4 bruk på Tandstad. Då vart Pålbruket bnr. 4 delt og det vart 5 bruk på garden. Sidan har det vorte utskilt nokre parsellar og tomter, serleg etter at industrien skapte nye arbeidsplassar i bygda.

Bruka på Tandstad var småbytte til det kom jordskifte på innmarka i 1840. Det må ba vore eit radikalt skifte etter tida å rekne, for det har ikkje vore skifte av innmarka på Tandstad etter 1840. Johannesbruket vart då utlagt i 2 stykke, sameleis Jakobgarden. Pålbruket og Simåbruket fekk stort sett sine bruk i kvar sitt stykke, men dei måtte flytte ut, Pålbruket mot nord, og Simåbruket mot sør. Dei to bruka som flytte, fekk kvar med ei snippe av Storåkeren som låg nærast bytet deira. Denne åkeren låg ovafor gamletunet. Elles låg dei gamle åkrane spreidde over beste marka. I bakkehallet ned mot sjøen var det åker heilt frå Ådalen i nord og sør til tunvegen til Simåbruket. Kvart bruk hadde sin åkerteig her, og åkeren vart også kalla Tegane. Vidare hadde Johannesbruket Fjøsåkeren nedafor der stova no står, og ned til den bratte reina. Frå Fjøsåkeren var det åker vidare oppover til den gamle bygdevegen. Denne åkeren bar namnet Ripodden. I seinare tid braut Karolus Tandstad også ein åker på Rongane.

Jakobgarden hadde åkeren Furehagen der stova deira no står,



TANDSTAD MELLOM I 1840-ÅRA.

*I forgr. til venstre: Simåhuset -Simåløa til høgre. Grunnrekkje frå venstre: Jakobsløa med stabbur, Johannesløa, Johan-nesstabburet og Johannesstova med brystvegg mot sør. Midt på btietet Jakobsstova og i bakgrunnen frå venstre: Pål-løa og Pål-stova.*

Teikning ved Eldar Ove Tandstad.

og Smiteigåkeren på nordaustsida av Ådalsgrova. Frå gamlevegen og nedover låg Kornreiten.

Pålgarden hadde ein åker der sønene til Hilmer Tandstad har bygt husa sine. Åkeren Haugen låg ut mot bytet til Ytre Tandstad. Ei gangrås ovafor Storåkeren låg der Simåbruket no har attelega mellom løa og Johannesbruket. Mellom Storåkeren og Nylenda var ei gangrås.

Truskinga var ei langdryg og vanskeleg sak på Tandstad i eldre tid. Det var smått stell med truskevatn, og difor gjekk tandstadkarane inn for å bygge ei demme på fjellet slik at dei til slutt kunne samle vatn til ein heil dags trusking. Når regnet kom, måtte dei nøyte det, anten det var ved dag eller natt. Tidt måtte folk stå opp midt på natt, born og vaksne, og setje hjula i gang, «Og mang ein gong gjekk eg på skullen om morgonen direkte frå låven», fortel Elias Tandstad i Johannesgarden. Dei hadde vasshjulet sitt på austsida av tunvegen med snor til løa. Jakobgarden brukte same vatnet, og hadde hjulet sitt ca. 15 meter nedafor Johanneshjulet. Pålgarden nytta vatn or Ådalsgrova. Simågarden tok vatnet sitt lenger inne.

Garden Ytre Tandstad hadde elles ein gamal rett til å ta vatn or Ådalsgrova i open veite langs gamlevegen. Sjå Tandstad Ytre.

Det hende likevel ikkje sjeldan at hausten vart så tørr at karane måtte ta tust og skeid til i bruk for å banke ut kornet. Det var både harde og lange tørningar. Vassproblernet vart ikkje mindre når dei kom så langt at kornet skulle malast. Ein gong i tida hadde Tandstad fått rett til å bruke vatn, og setje opp kvernhus på Riksheim, og denne retten hadde dei så lenge dei hadde kvern ståande. Johnnesgarden og Pålbruket hadde kvern i lag på Riksheim. Ho var i bruk til 1900- årsskiftet. Men då var huset til nedfalls. Dei kjøpte ny material, men så vart dei samde om å legge kverna ned. Materialet delte dei, og sjølve kverna, som hadde ord på seg for å vere uvanleg god, selde dei til Jørn-Peter på Brunstad.

Simågarden hadde eiga kvern på Riksheim. Ho vart halden i svært god stand og fekk nytt hus i seinare år. Dette huset vart ståande ubrukt då aksjemylna på Aure kom i drift. For å ta vare på huset, flytte Pål Tandstad det til stykket sitt ved gamlevegen på Tandstad og sette huset opp att der.

Jakobbruket mol også på Riksheim.

I 1860-1870-åra fôra kvart bruk 6—7 mjølkekyr, 8—10

sauer og 6—8 geiter, dessutan bruksmerr og unghest. Avdråttan av kyrne og geitene stelte dei på Tandstad som på dei andre gardane mest heime. Dei kinna smør og ysta ost, og ved sida av den daglege aktinga av buskapen i fjøset, var mjølkestellet eit drygt slit for husmora og dei andre kvinnene i heimen. I slutten av 1880-åra byrja Ole Vik med meieridrift i Fenrikveslestova. Dei tre Tandstadgardane tok då til å levere mjølka si dit, rodde henne i båt til Vik, og fekk skummamjølka med heim att. Dette varde til først i 1890-åra då Ola-Bastian på Straumsheim byrja med meieriverksemd i Tørgjerbuda på Straume. Då gjekk brukarane på Tandstad over til han. I den rikaste mjølketida om somrane, då buskapen var på setrane i Straumsdalen, flytte Ola-Bastian kinna si dit. Mellom anna hadde han «meieri» i Johannesstet på Hindaholen. Men så kom grendemeieriet på Riksheim i drift i 1897, og då flytte dei tre Tandstadgardane dit med mjølka si. Og her vart mjølka stelt til 1918 då sunnmørsbøndene kjøpte A/S Aalesunds Meieri som Rasmus Mork disponerte, og gjorde dette meieriet om til partslaget Sunnmøre Meieri. Hans Tandstad frå Simågarden var ein av dei mest ivrige talsmenn for denne samskipnaden som fekk så mykje å seie for lønsemda i jordbruket, og han sat også som styrelem i 9 år frå 1924 til 1933.

Mjølka gjekk i den tida til Ålesund med rutebåt frå Stramgjerde. No er det bilar som hentar mjølka på garden. Mjølkesmaskinar vart det i mest kvar fjøs etter siste krigen. Geithaldel slutta dei med i 1908. No har nokre av brukarene lagt seg etter foringsdyr og kjøtproduksjon (storfe) då dette er minst arbeidskrevjande, og sameinar seg bra med fast arbeid i industrien.

I eldre tid kunne det ofte vere store problem med å skaffe nok for til buskapen. Heimebøen slo ikkje til, og brukarane måtte tidt ut i utmarka på småhøyslått. Dette høyet var serleg mynta på småfeet, sauer og geiter, og ungdyr.

Tandstad hadde også sine utslåttar. I Tandstadstranda ut mot bytet til Tjønes hadde såleis kvart bruk på garden 6 teigar som dei slo årvisst. Dei rekna det til tre dagsslåttar for to mann på kvart bruk. Var terren god, tørka dei graset på staden. Men var veret utrygt, køyrde dei det inn i garden og tørka det der. No er det meste av denne marka tilplanta med gran. Dei fleste, d.v.s. dei som hadde heile bruk, hadde stølsstykke på Hindaholen. Dette høyet køyrde dei heim på skareføre om vinteren, oftast ikkje før ut på vårparten. Men det hende elles ikkje sjeldan at føret var

så ringt at dei ikkje kom der med hest, og karane måtte bere høyet på ryggen i sekker. Til langt fram i tida slo også Tandstad botevis i heimehamna. Kvart bruk hadde såleis slåtestykke på Nedstehamrane. Dette graset tok dei ned til garden med løypestreng. Simåbruket slo i «Flærne». Jakobbruket hadde Seljepilen. Pålbruket hadde «Langetåa». Frå desse slåtestykkar bar dei høyet ned i garden. Somme sende det ned gjennom urda i meis. Kravla og slo gjorde dei fleste mest til vinternettene.

I denne bergsida hadde Tandstad og Tandstad Indre også heimeliamna for bufeet. Hamnegangen vart i 1864 rekna som «god og tilstrekkelig men ubekvemt beliggende». Her hadde Tandstad også skogteigane sine, men det var i minste laget til både brennefang og gagnbein. Skogen var ryr den tida det var geiter på garden. Det gjekk også mykje renningsbjerk med til hesband. Og her kom også Ytre Tandstad inn i biletet. Dei hadde avtale om å få ta hesbandmaterial i Tandstad Mellom og Tandstad Indre sine skogteigar. Til vederlag skulle desse to gardane få beite øykene sine 12 — 3 veker i hardaste slåtten i Ytre Tandstad si buhamn. Det var ein føremon for Tandstad Mellom dette, for slepte dei hestane i eigen hamnegang i helga, strauk dei til fjells med ein gong, og var ikkje så lette å finne måndagsmorgonen som når dei gjekk i Ytre Tandstadmarka. Ytre Tandstad hadde også rett til å jage buskapen sin gjennom buhamna til Tandstad Mellom, både sauene når dei skulle til og frå beitet kveld og morgon i sætremarka, og storfeet på veg til og frå setra.

Tandstad hadde også skog i Straumsdalen, men han var sams til det kom jordskifte i 1003. I heimehamna vart skog og mark skift og utlagd til eigedomsgrunn i 1968. Der er no planta ikkje så reint lite gran. Første plantaren var det frilynde ungdomslaget i Straumgjerde som i 1910 fekk seg ein planteteig i heimeutmarka til Tandstad. Seinare kom fleire oppsitjarar også med i planting. Der er no god nytteskog. Etter jordskiftet i 1968 er det uthogsttid på denne skogen, så år om anna vert det no drive fram ein god del tømmer.

Var det i minste laget med brenneved på Tandstad Mellom skøyte dei på med brennetorv. Kvart bruk hadde torvstykke på Brune oppe på fjellet. Her hadde dei også torvløer. Det var vanleg å bruke ei veke kvar vår til torvspading. Torvet køyrde dei heim på vinterføre. Mold var også ei etterspurd vare, og garden hadde moldtak i ymse teigar i utmarka, men tok også mold

på innmarka som på mange stader er skrapa rein for matjord. Der løa på Johannesbruket står no, var det i eldre tid ei myr. Staden her framleis nanmet Myra. Men molda har dei køyrt bort. Fram til 1500 — 1600-åra har det vore gild barskog også i Tandstadmarkene. Først på 1600-talet hadde garden flaumsag, men det er uvisst kvar ho stod. I 1610 var det i Nils Olsen Tandstad sitt namn ho stod, og han skatta då for 40 tylfter bord. Året etter var det Ole (Olluf) Tandstad som reidde ut sagskatten. Då hadde skurtømmeret minka til 20 tylfter bord. Seinare høyrer ein ikkje noko meir om flaumsaga på Tandstad. Men digre røter ligg att i myrane utover fjellet og minner om storskogen som voks her. Øydingane av naturrikdomane i landet er ikkje berre av ny dato. På fleire stader i tandstadmarka er det også minne etter tjørehjellar. Ein stad ber framleis namnet «Brenslå». Etter tradisjonen brukte oppsitjarane denne tjørehjellen etter tur. Ein mann frå Jakobgarden som i si tid brende tjøreveid her, kom i kast med bjørnen. Det var i 4-tida om morgonen mannen skulle ut i myra for å sanke fleire røter til mila si. Då gjekk han seg brått fram på ein bjørn som straks reiste seg til åtak. Mannen hadde berre eitt å gjere, og det var å verje seg så godt han kunne. Det barst i ryggjatak med dei. Bjørnen rispa og beit, men mannen heldt så bleggfast om bjørnen at udyret hadde vanskar med å få retteleg tak. Nærare og nærare kom dei to ut på fjellstupet, og brått skyna mannen at det bjørnen pønska på, var å få han utfor. Dei var alt komne så langt ut på stupet at mannen såg ned i tunet sitt. Då fekk han brått augo på hunden sin, og han sette i å kalle på han. Hunden høyrde det, og sette av garde til fjells. Der kasta han seg inn i kampen mot bjørnen så beinhardt at til slutt tok bjørnen hyven. Med hunden etter seg for han fram gjennom Straumsdalen mot Koppen og Hjortdalsmarka. Det seiest at bjørnen vart skoten i Brunstadmarka ikkje lenge etter. Mannen vart liggjande heile sommareri av såra sine. Men hunden kom velberga frå striden.

Tandstad hadde setremarka si i Straumsdalen saman med dei andre gardane i grenda. Dei kom først til setra Hindaholen, seinare til Langeneset. Det var fast ordning med gjetar på setra. Elias C. Tandstad meiner det var to gjetlar kvar dag, den eine heldt dei tre Tandstadgardane, den andre Straume og Straumgjerde. Marka var inndelt i naturlege felt. På Hindaholen beitte dyra ein dag t.d. i Breiskredene og Godfarholthaugane ut mot

Blindheimsmarka. Neste dag heldt gjetarane dyra i Liene og Neset ut mot Tjønemarka. Og tredje dagen var dei i Hammarsetmarka og Fonnene (Fenjene). Når dei kom til Langeneset var det slik slag. Ein dag beitte dyra på Myrane og Kritastølheia. På sistnetnde stad var det også ei seter ein gong i tida. Andre dagen var buskapane på Storerabben og fram til Koppebakkane. Så kunne buskapane jagast nokre dagar til vestsida av Langenesvatnet. Men då måtte setrejentene ro over vatnet kveld og morgon for å mjølke. Det var ikkje reint ufarleg korkje for folk eller fe i den tida då det gjekk bjørn i marka. Såleis fortel Elias C. Tandstad om ei oppleving som bestemor hans, Guri Karolusdr. Tandstad f. 1849, hadde som setrejente der. Setredeiene var komne attende til Langenesstølen frå vestsida av vatnet etter mjølkinga morgonen då dei fekk lag på ein bjørn som kom ut or eit skogsnar og slo ned ei ku. Setrejentene hadde liggjande eit lite lager av store, tørre bjerkenesvrar som ei naudverje mot udyr. Dei treiv kvar sitt nevreknippe og kvar sin staur og stormrodde over vatnet alt medan dei kveikte i nevrane som dei feste i enden på staurane. Med desse faklane bykste dei i land og for beint mot bjørnen som vart så redd at han slepte kua og tok flukta før han hadde fått skamete henne. Såleis berga dei i alle høve kjøtet på dyret.

Setredeia Karen Severine Hansdr. Tandstad f. Sætre i 1816 var også i livsfare på setra i si tid. Setrejentene hadde flytt ned att frå Langneset til Hindaholen på ettersommeren, og Karen Hansdr. stod på Hindaholen og ysta ein dag då ho kom i tankar om at ho kunne nøyte tida og springe inn på Langeneset for å hente nokre mjølkeringjer som stod att der. Ho la godt med ved på grua, og skunda seg av stad. Då ho var komen heim att til Ferlia, gjekk ho seg brått fram på ein bjørn som sette i eit belj og snudde seg til åtak. Jenta hivde det ho hadde i hendene, og kleiv kjapt opp i ei lita bjerk som stod like ved råsa. Ho klatra så høgt som bjerka bar, og drog beina til seg. Når bjørnen reiste seg på bakbeina og glefste etter henne, fekk han tak i skjørte-kanten hennar med kjeften. Men fjellbjerka er seig, og Karen var sterk. Dermed sleit bjørnen berre sund falden på skjørtet. Han fekk ikkje meir, same kor han hoppa og glefste. Bjørnen vart sintare og sintare, han bura og belja og trava rundt treet. Brått tok han til å grave, han grov så mold og stein dreiv, glytte berre opp av og til mot Karen i treet for å sikre seg at der sat ho. Men

di djupare bjørnen kom ned i hola, di sjeldnare vart glyttinga. Då han var komen så djupt at berre rumpestussen stod opp såg ho seg snitt til å vrenge av seg pålkatrøya og stakken som ho ordna til som Ein kvineskapnad der oppe i busketoppen. Og i rette augne-blinken slepte ho seg ned frå bjerka og sprang for livet mot Hindaholen. Det gjekk godt til ho hadde att ca. ein firedel av vegen. då hadde det gått opp for bjørnen at jenta hadde lurt han. Dermed la han til etter henne, og det var så skorfest med tida at i det same Karen slo slåa for seldøra, rende bjørnen snuten mot karmen ute. Ho var livande redd for at udyret skulk slå inn heile den skrale døra til selet. Men det gjorde bjørnen ikkje. Derimot bykste han opp på seltaket og keik på henne ned gjennom ljoren. Då var Karen snar. Ho treiv ei stor jarnkoks (ause), fylte henne frå den kokande mysegryta, og slengde mysa av all kraft midt i glaninga på bjørnen. Han vart ei stund heilt blinda, sette i eit brøl og rulla kant i kant ned frå taket, rende seg på selvegger og steingardar, gaula og brølte og kom seg til slutt over geila og ned på stølsstykket og vidare ned på ei blautmyr. Der sette han hovudet ned i gyrma heilt til skuldrane, skok seg og tok beinvegen fram gjennom Straumsdalen. Meir om Straumsdalen i Ola Tandstad: Sykkylven i eldre tid I, s. 113.

Grava som bjørnen grov, syner enno. Men no er det slutt ikkje berre på bjørnen i Straumsdalen, men også med setreferdene. Den siste som brukte setra på Tandstad, slutta først i 1950-åra. No er det berre tørrkrøter og sauer som går der i sommarstida. Gardsdrifta er omlagd til meir moderne drift med sterkare føring av storfeet som er større og gir høgare yting. Ringaste delen av innmarka er oppgjødsla og nytta som kulturbeite. Åkerbruket er det også stort sett slutt med, med unnatak av poteter og rotfrukter. På kvart bruk er det traktor med reiskapar som høyrer til, m.a. har dei fleste part i ein stor, traktordriven jordfresar.

Det gamle fellestunet på Tandstad låg om lag der Johanneshuset no står, med geil opp til utmarka og heimhamna. Dei gamle Pålhusa stod der Johannesløa er no, Simåhusa stod i hagen til Johannestunet. Jakobhusa vart flytte litt lenger ned i bakken. Som nemnt flytte Simåbruket og Pålbruket ut frå tunet etter jordskiftet i 1840.

Næringsgrunnlaget på Tandstad har vore åkerbruk og feal med fiske både til havs og i fjorden som ei viktig attåtinnkome. Det var brukvis at tandstadkarane kvar vinter låg på Ytterland

eller Alnes og dreiv sjøen derifra. Dette har vore slik i fleire generasjonar heilt fram til første delen av 1900-åra då fisket vart meir rasjonalisert. Åttringen og sesongfisket kom etter kvart bort, og motorbåten og heilårsdrifta på sjøen var vanskelegare å kombinere med gardsarbeidet. Men fisket i fjorden heldt fram. Det var både seinot og sildenot på Tandstad, med naust på Sandneset der det også var tørkarvoll for not. Sjå under Tandstad Ytre. Var det vanskeleg å slite seg frå onnearbeidet på bruket for å vere med nota, leigde dei ofte folk i sin stad. No er det for det meste slutt med notfisket. Det hender likevel at somme prøver med kastenot både etter makrel, sild, laks og botnfisk, og det er framleis matfisk å få både på handsnøre og ein linestubb, men det kan knapt reknast som nokon leveveg. Gardane på Tandstad blir haldne i god hevd. Brukarane har moderne reiskapar og gode buskarar. Men det er likevel industriarbeidet som no gir viktigaste innkoma både for gardbrukarane og dei andre som i seinare år har kjøpt seg tomter på Tandstad og bygt hus her. Somme arbeider på fabrikkar i Straumgjerde, andre på Aure, Ørsnes eller Ikornnes.

#### EIGARAR.

Tandstad var Rosenkrantzgods som i 1600-åra gjekk over til borgarmeister i Bergen, Rasmus Larsen Stud, og frå han til versonen Henning Hansen Smith på Giske. I 1684 var det brorson hans, magister Nils Pedersen Lem i Bergen som åtte garden, men i slutten av 1600-åra gjekk Tandstad Mellom over til Rasmus Henningsen, son til Henning Hansen Smith. I 1707 var magister Knut Man eigar. Tandstad gjekk først i 1730-åra over til Christopher Abelset. Dottera Charlotte g.m. Nils Hagerup på Giske ervde visstnok Tandstad. Nils Hagerup selde i 1778 Johannesbruket, bnr. 1, til Peder Davidsen Teigene for 99 rdl. Sjå meir om eigarar av dette bruket under bnr. 1. Resten av Tandstad fylgde Nils Hagerup sine ervingar. I 1793 vart Simåbruket, bnr. 2, selt til Bernt Olsen Erstad. Sjå vidare under bnr. 2. Pålgarden, bnr. 4, vart også selt i 1733, og denne garden gjekk til Jakob Pedersen Erstad. Sjå bnr. 4. Christopher Nilsen Hagerup på Giske sat att med Jakobgarden, bnr. 3, til han døydde i 1804, og i 1805 vart garden seld på auksjon til hoffagent Jansen & Søn



i Bergen for 124 rdl. Karlous Olsen Tandstad sitt dødsbu fekk i 1842 skøyte på dette bruket for 160 spd. Sjå vidare under bnr. 3.

#### MATRIKKELGARDEN.

Etter gamal reknemåte var Tandstad heilgard. Skylda var 3 våger fiskeleite først på 1600-talet og fram til 1661 då Landkommisjonen sette henne til 4 våger. Ved den nye skyldsettinga i 1666 var skylda fastsett til 3½ våg 18 mrk., eller som det oftast vart skrive 3 våger 2 pd. 6 mrk. Prøvematrikkelen i 1724 sette skylda til 4 våger att, men dette vart ikkje gjort gjeldande, og 3 våger 2 pd. 6 mrk. stod ved lag til 1838 då det vart ny skyld, 6 dlr. 2 ort og 20 skl., revidert 1890 til 11,56 skyldmark.

Leidangen var i 1600-åra 1 geitskinn og 2 kalvskinn til 1666 då det vart 1 geitskinn og 4 kalvskinn. I 1705 var leidangen 2 ort og 8 skl. Tienda var i 1666 4 t. havre og 2 pd. ost, og i 1724 ½ t. bygg, 4 t. havre og ½ våg ost.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

- 1626: 4 mann. Sår 8 t. korn.  
1666: 4 mann. Sår 10 t. korn, avlar 40 t. Kan føde 4 hestar og 32 naut. Brennefang.  
1717: 4 mann. Sår 12 t. havre, 1 t. bygg. Avlar 40 t. havre og 5 t. bygg. Fôrar 4 hestar og 24 naut.  
1724: Turvande brennefang. 3 kvernar. Tungvunnen. Viss til korn.  
1845: 4 mann. Sår 2 t. bygg, 8 t. bl.korn, 14 t. havre og 5 t. poteter.  
Buskapen på garden var 4 hestar, 24 kyr, 40 sauer, 16 geiter og 3 svin.  
1864: Hamnegangen til buskapen er «god og tilstrekkelig, men ubekvemt beliggende». Brennefang. Garden er lettbrukt.  
1875: 4 mann. Sånad 14½ t. bl.korn. 17 t. havre, 13 t. poteter.  
Buskapen var 3 består, 3 unghestar, 26 kyr, 9 ungdyr, 54 sauer, 43 geiter og 4 svin.

## BRUKARAR.

JOHANNESGARDEN bnr. 1

*Ingebrikt* br. 15.—ca., 1614.

*Jakob* br. ca. 1614—ca. 1650.

Han fekk i 1635 ei bot på 2 rdl. for «nogen ringe Forseelse udi Kornthienden». I 1666 er det på Tandstad ein husmann som heiter Jakob Rasmussen. Det kan vere same Jakob'en som no er komen på kår.

*Jakob Jakobsen Tandstad* f. ca. 1626.

Br. ca. 1650—ca. 1680.

Han skatta i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 4 geiter, 4 sauer og 1 okse, Han brukte 4 mællag i 1666.

*Erik Pedersen* (f. ca. 1654, d. 1744) g. m. Mark Olsdtr. (f. ca. 1648, d. 1728).

Br. ca. 1680 -1714, sidan halve bruket saman med sonen

*Lars Eriksen Tandstad*, d. etter 1737, g. m. Magnhild Olsdtr. d. 1745, då 49 år gamal.

Br. halve bruket frå 1714, sidan heile ut ca. 1745.

Bygselsetel frå magister Knut Man på 2 mællag i 1714.

Brorsonen

*Erik Jakobsen Dravlaus* frå Karolusgarden (f. 1721, d. 1779) g. m. Anna Kristensdtr.

Br. 1745—1770. Bygslesetel på 3 mællag 13½. mrk. frå Christopher Abelset.

Etter Erik kom

*Peder Pedersen Berge* (f. ca. 1742, d. 1793) g. 1770 m. Ingeborg Jørgensdtr. Hole (f. 1747, d. 1810).

Br. 1770—ca. 1780.

Peder fekk bygselsetel i 1770 frå enkja Charlotte Abelset på 2 pd. 19 ½ mrk. Han dreiv handel, men det ser ikkje ut til at det gjekk så godt. I 1771 vart han stemnd for ulovleg handel med tobakk og brennevin. Han måtte låne 21 rdl. i 1774 av Knut Knutsen Fremmer-Gjerde og pantsette då både buskapen sin og lausøyre. Året etter vart han dømd til å betale ein gjeld på 17 rdl. til ein skipper Olsen i Bergen. Det enda med at Peder gjekk frå dette bruket, og vart husmann på Klokkehaug. Han døydde i 1793. Enkja hans tente seinare i Fenriksgarden på Vik, og døydde som inderst på Hole i 1810. Dei hadde m. a. ein son Kristen Pedersen som var tambur. Han døydde 1799, 26 år gamal. «Hans endeligt

var pludselig, under hans lovlige arbeide gled hans kniv ned i hans venstre lår og i samme time døde han», heiter det i kyrkjeboka.

Etter Peder kom

*Johannes Jakobsen Tu* (f. 1746, d. 1809) g. 1780 m. Marie Olsdtr., visstnok frå Larsgarden på Blindheim (f. 1750, d. 1807),

Br. 1780—1801,

Bygselsetel på 3 mællag 13½ mrk. frå Peder Davidsen Teigene som i 1778 kjøpte dette bruket av Nils Hagerup for 99 rdl. Bruket vart i 1802 verdsett til 151 rdl. Johannes var lagrettemann. Han bleiv i Langenesvatnet saman med tre andre menn frå Tandstad i 1809. Bruket har fått namn etter han. Han hadde m.a. sonen Jakob f. 1788 som var med i krigen 1808—1814. Skiftebuet etter Marie Olsdtr. Tandstad i 1808 synte ei brutto eige på 113 rdl. og ein gjeld på 40 rdl.

Etter Johannes kom sonen

*Guttorm Johannessen Tandstad* (f. 1781, d. 1831) g.l. 1807 m. Petrine Pedersdtr. Fausa frå Pegareten (f. 1790, d. 1810) g.2. 1812 m. Berte Gundersdtr. Brunstad frå Gunnagarden (f. 1788, d. 1865).

Br. 1801 — 1832.

Bygselsetel i 1801 frå Paul Arnesen Bigset som ervde denne garden etter verfar sin, Peder Davidsen Teigene. Paul Arnesen selde i 1824 ei «Madstue med Indretning» som var på Johannesbruket, til Guttorm Johannessen, og i 1827 selde Paul bruket til Ellef Pedersen Aarflot for 98 spd.

Guttorm var skrivekunnig. I 1816 vart han stemnevitne i Sykkylven etter Ole Ellingsen Ikornnes. Guttorm var også medhjelpar i kyrkja, og dessutan lagrettemann. I skiftet etter han i 1831 synte buet ei brutto eige på 132 spd. og ein gjeld på 83 rdl.

Enkja Berte Gundersdtr. gifte seg att i 1832 med

*Peter Tormodsen Grebstad* frå Eliasgarden bnr. 7 (f. 1797, d. 1855).

Br. 1832- 1841.

Bygselsetel i 1832 frå Ellef Pedersen Aarflot. Peter Tormodsen la av eiden til konstitusjonen i 1839 og fekk stemmerett. Den gamle skylda på bruket, 2 pd. 19½ mrk. vart i 1838 endra til 1 dlr. 3 ort 5 skl. Peter og kona gjekk over på kår i 1841, og verson til Guttorm Johannessen og Berte Gundersdtr. tok over bruket. Det var

*Jakob Karolus Jakobsen Fet* frå Hansgarden (vart kalla Karolus) (f. 1817, d. 1885) g. 1. 1840 m. Guri Petrine Guttormsdtr. Tandstad (f. 1816, d. 1844) g. 2. 1845 m. Karen Severine Hansdtr. Sætre (f. 1826, d. 1907).

Br. 1841—1879.

Born: 1. ekteskap: Jakobine Gurine f. 1841 g. m. Nils Karolusson Aure i Jangarden.

2. ekteskap: Guri f. 1849 g. på bruket. Johanne Thomasine f. 1855 g. m. Peter Andreas Jenssen Eidem. Bnr. 8. Hanna Marie f. 1861 g.m. Lars Thomassen Grebstad. Bnr. 1. Berte f. 1863 g.m. Thomas Larssen Strømme. Sjø Grebstad bnr. 2.

Karolus Jakobsen løyste ut garden i 1840 av Ellef Pedersen Aarflot for 98 spd., og vart sjølveigar. Han fødte i 1875 1 hest, 1 unghest, 6 kyr, 2 ungdyr, 13 sauer, 5 geiter og 1 gris. Sånaden var 3 t. bl.korn, 4 t. havre og 2½ t. poteter. I 1864 gav Karolus rett for notlaget på Tandstad til å ta på land, turke og setje i stand sildenøtene på Johannesbruket.

Versonen

*Elias Johansen Grebstad* frå Eliasgarden (f. ca. 1855, d. 1911) g. 1878 m. Guri Karolusdtr. Tandstad (f. 1849, d. 1935).

Bi. 1879—1912.

Barn: Carl g. på bruket.

Elias fekk skøyte på bruket frå far sin i 1879 for 2000 kroner. Ved den nye skyldsettinga i 1890 fekk bruket ei skyld på 2,92 mark. Ved sida av gardsarbeidet dreiv Elias som gråsteinsmurar.

Sonen

*Carl Eliassen Tandstad* (f. 1875, d. 1938) g. 1894 m. Ida Olsen (f. 1875, d. 1963). Ho var dotter til bakar Olsen i Volda.

Br. 1912—1919.

Born: Gudrun f. 1893 g. m. Carl Petersen Tynes. Utvs. nr. 933 og 956. Elias f. 1895 g. på bruket. Anna f. 1897 g. m. Bastian Spjelkavik. Carl f. 1899, d. 1919. Karen f. 1901 g.m. Albricht Wille frå Ålesund. Bergljot f. 1907 g.m. Ole Jakob Grønningseter frå Valldal. Ingrid f. 1910, d. 1933. Arne f. 1912 g. m. Dagny Vilsgård frå Torsken i Senja. Sjø bnr. 10. Torbjørg f. 1914 g. m. Kåre Digernes frå Ørsta. Bustad Åndalsnes. Ida f. 1915 g.m. Peter Fagerlid, Ørskog. Carl f. 1919 g.m. Jorunn Eliasdtr. Vinje frå Aure, bnr. 29. Han er lærar og musikk-instruktør i Ålesund.

Carl Tandstad gjekk mellomskulen i Volda og seinare ved Stord Seminar og var lærar, organist og songleiar i Sykkylven. I 1903 reiste han til USA (Utv. nr. 901) og arbeidde der ca. 4 år. (fritida studerte han hjå musikaren professor Sperati. Carl Tandstad la ned eit storfelt arbeid som song- og musikkinstruktør i Sykkylven, han fekk i gang fleire kor og musikklag, og gjekk til fots til øvingane, anten dei no var i Velledalen eller på Aure. Han var svært musikalsk, og spela sjølv fleire instrument. Ved sida av at han dirigerte fleire songkor, både mannskor og blandakor, hadde han også hornmusikk, strykekvartett og salongorkester. Han komponerte fleire tonar, samla ei mengd med gamle slåttar og folketonar, og var dessutan ofte domar ved musikktevlingane som Sunnmøre fril. ungdomssamlag skipa til i Ålesund.

Carl Tandstad budde mykje på Grebstad medan han var lærar i Aurdal krins. Johannesgarden let han over til sonen

*Elias Carlsen Tandstad* f. 1895 g. 1918 m. Kirsti Olsdtr. Kvåle frå Løken, Valdres (f. 1894, d. 1952).

Br. 1919—1953.

Born: Ola f. 1919 g. på bruket. Kari f. 1921 g.m. Wiggo Kristiansen Nordvoll frå Dønnes. Else f. 1923 g.m. Inge Edvardsen Tandstad. Bnr. 9. Kjell f. 1930. Ida f. 1931 g. m. Einar Hanssen Urke. Ingemar f. 1933 g.m. Ingvarda Eivindsdtr. Riise. Sjå Tandstad bnr. 12.

Elias Tandstad har vore to gonger i USA, og han gifte seg medan han var der. Utv. nr. 900. Han kom heim i 1928 og har sidan lagt ned eit stort arbeid på garden. Ca. 21 mål nyland har han dyrka opp: Myra 3,5 mål, Krokane 4 mål, Høgreisa 5 mål og Sandneset 8,5 mål. I 1952 brann stovehuset ned, og han måtte setje opp nytt hus. Han har dessutan bygt ny løe. Ved sida av arbeidet med garden bar Elias drive bygningsarbeid.

Sonen

*Ola Eliassen Tandstad* f. 1919 g. 1945 m. Jakobine Oskarsdtr. Wenersberg frå Gåseide, Borgund (f. 1921).

Br. frå 1953.

Born: Jorunn Kirsti f. 1945, kontordame, Oslo. Rigmor f. 1948, barnepleierske. Eldar Ove f. 1952, kunsthåndverkskule i Bergen.

Ola Tandstad tok over bruket i 1953, og har bygt m.a. to silokummar til løa, ein på 48 og ein på 24 kubikkmeter. Dessutan har han sett opp køyrebane til løa. Han har også vølt og modernisert stovehuset. Stabburet som stod i tunet vart kasta av berestein-

ane og knust ein stormdag i 1955. Ola Tandstad arbeider på fabrikk og er polerar. På bruket fôrar han no sauer og ungdyr.

SIMÅGARDEN bnr. 2,

(Før 1840: Åmundgarden)

*Nils Olsen Tandstad*, br. 15.—ca. 1612, var utkommandert til Kalmarkrigen i 1611. I 1612 var det enkja som sat med bruket.

*Ole*, br. ca. 1612—ca. 1615.

*Anders*, br. ca. 1615—ca. 1625.

*Johannes*, br. ca. 1625—ca. 1635.

*Helge*, br. ca. 1635—ca. 1661.

Han skattar i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 4 geiter og 2 sauer.

Sonen

*Knut Helgesen Tandstad* (f. ca. 1637).

Br. ca. 1661—ca. 1680. Han skatta av 4 mællag.

*Ole Torstensen Tandstad* (f. ca. 1645, d. 1724) truleg son til Torsten Olsen Ytre Tandstad.

Br. ca. 1680—1713, sidan halve bruket i nokre år.

Han vart i 1682 stemnd for retten fordi han ein sundagskveld hadde slege til grannen Sæmund Tandstad. «Den Oluf kunde sin forseelse ei benekte», og måtte bøte med 3 mark sylv.

Etter Ole kom

*Peder Salmundsen*, d. etter 1744, g. m. Anna Olsdtr. (f. ca. 1679, d. 1744).

Br. halve bruket frå 1713 og nokre år, sidan heile bruket til 1730.

Bygselsetel i 1713 på 2 mællag frå magister Knut Man.

Etter Peder kom

*Amund Larssen* (f. ca. 1686, d. 1764) g. 1730 m. Lisbet Jakobsdtr.

Br. 1730—ca. 1758.

Bygsel brev frå Christopher Abelse på 3 mællag 13½ mrk- i 1730. Amund var bjørneveidar. han skaut såleis ein bjørn i Glomsetmarka i 1734, og ein i Straumsdalsskogen i 1738.

Sonen

*Amund Amundsen Tandstad* (f. 1736, d. 1817) g. 1758 m. Synnøve Knutsdtr. (d. før 1802).

Br. ca. 1758—1788.

Amund kom i økonomiske vanskar. I 1768 då omframskatten

tyngde; som verst, var det reint ille. Saman med fleire andre klaga han si naud på tinget i Honningdal. Sjå om dette under Lyshol, bnr. 3, han måtte låne ca. 21 rdl. i 1776 av Ole Honningdal og pantsette då 3 kyr, 1 kvige, 1 årskalv, 6 vaksne sauer, 3 geiter, 1 koparkjel,  $\frac{1}{6}$  i ein fjordingsfar, 12 torskegarn,  $\frac{1}{2}$  i ei sildenot,  $\frac{1}{3}$  i ei kvern.

Renta var 4 %.Sonen

*Lars Amundsen Tandstad* (f. 1763, d. 1817) g. 1787 m. Anne Pedersdtr. Furset frå Madsgarden (f. 1765, d. 1831).

Br. 1788 -1820.

Bygselsetel i 1788 frå Nils Pedersen Hagerup på Giske. Bruket vart i 1802 verdsett til 151 rdl. Lars Amundsen var lagrettemann, og han var skrivekunnig. I skiftet etter han i 1817 syntte buet ei brutto eige på 146 spd. og ein gjeld på 42 spd.

Sonen

*Iver Larssen Tandstad* (f. 1796, d. 1869) g. 1819 m. Gjertrud Marie Magnusdtr. Fausa (f. 1798, d. på Andestad 1876).

Br. 1820—1840.

Bygselbrev i 1820 på 2 pd. 14½ mrk. frå Aagne Peter Berntsen Erstad som saman med syskena sine hadde ervt bruket frå faren, Bern Olsen Erstad. Han hadde løyst ut dette bruket av Abelsetætta i 1793 for 122 rdl. etter skøyte frå P. Astrup. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 2 pd. 19½ mrk. endra til 1 dlr. 3 ort og 5 skl. I 1840 var det jordskifte av innmarka på Tandstad. Same året gjekk Iver Larssen og Gjertrud Marie Magnusdtr. over på kår. Ho vart enkje i 1869, og gifte seg att 1871 med Ole Martinus Jakobsen Andestad og flytte, til Jakobgarden.

Til Iver Larssen sitt bruk kom det no nye folk. Det var

*Simon Olsen Skylstad* (f. 1803, d. 1885) g.m. Gjertrud Jakobsdtr. (f. ca. 1796, d. 1852) baa frå Hjørundfjord.

Br. 1840—1855.

Simon Olsen kjøpte i 1832 den luten av bruket som Aagne Peter Berntsen Erstad hadde ervt frå far sin og løyst ut frå syskena sine. Parten var 2 pd. 11 $\frac{1}{6}$  mrk., og Simon betalte 160 spd. Resten av bruket var komen over til Jørgen Jakobsen Indvik, og denne delen, 8 $\frac{7}{16}$  mrk., kjøpte Simon i 1839 for 23 spd. Han åtte no heile bruket, og 14. april 1839 flytte han frå Trandal til Sykkylven med kona og to born, jordaguten Ole Andreas, og Jakob. Sjå Straumgjerde bnr. 4. Bruket på Tandstad har fått namn

etter Simon: Simågarden. I 1845 fødde han 1 hest, 6 kyr, 10 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var 7 t. bygg, 2 t. bl.korn, 3½ t. havre og 114 t. poteter. Simå var bjørneveidar, og brukte mykje «gilder» (sjølvskot med åte). (Sjå Sykkylven i eldre tid s. 374).

Sonen

*Ole Andreas Simonsen Tandstad* (f. Trandal i Hjørundfjord ca. 1835), d. 1862) g. ca. 1855 m. Randi Olsdtr. Skylstad frå Hjørundfjord (f. 1820, d. 1910).

Br. ca. 1855 -ca. 1862.

Barn: Olave Gjertrud Marie f. 1862.

Ole Andreas Simonsen dreiv fiske ved sida av arbeidet med bruket. Han drukna under sildefiske ved Kvaløya ein januar dag i 1862.

I skiftet etter han i 1863 ervde dottera Olave Gjertrud halve bruket, og enkja Randi Olsdtr. fekk utlagd den andre halvparten. Ho gifte seg att 1863 med

*Amund Anderssen Hustad* frå Hjørundfjord (f. 1833, d. 1901).

Br. ca. 1863—1882.

Han fødde i 1875 1 unghest, 6 kyr, 3 ungfe, 14 sauer, 12 geiter og 1 gris. Sånaden var 4½ t. bl.korn, 4¼ t. havre og 4 t. poteter. Amund og kona gjekk over på kår i 1882, og verson til Ole Simonsen og Randi Olsdtr. tok over Simågarden. Det var

*Peter Bastian Olsen Løset* frå Søvikdal (f. 1850, d. 1901) g. 1882 m. Olave Gjertrud Olsdtr. Tandstad (f. 1862, d. 1953).

Br. 1882—1912.

Born: Hans f. 1885, g. på bruket. Anna f. 1890, bur i Simågarden. Ola f. 1892, heradsagronom, ordførar i Sykkylven, g.m. Berte Larsdtr. Midtbust frå Stordal. Sjå Ytre Ikornnes, bnr. 2. Olina Sofia f. 1896, g.m. folkehøgskulestyrar og forfattar Henrik Straumsheim. Busett Ørsta.

Olave Olsdtr. Tandstad hadde ervt halve bruket etter far sin i 1863. Den andre halvparten løyste Peter Bastian Olsen ut av Amund Anderssen i 1882. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda, 1 dlr. 3 ort og 5 skl. rev. til 2,85 skyldmark. Peter Bastian Olsen dreiv bygningsarbeid ved sida av å vere gardbrukar. Han bygde også nytt stovhus i Simågarden.

Sonen

*Hans Petersen Tandstad* (f. 1885, d. 1933) g. 1921 m. Marie Olsdtr. Sætre (f. 1899).



Br. 1912—1953.

Born: Pål f. 1923, adjunkt, g. m. lærar Agnes Severinsdtr. Eggebø frå Finnøy i Rogaland. Trygve f. 1925 g. på bruket. Oddrun f. 1927 g. m. Einar Johannessen Astad frå Batnfjord, Nordmøre. Olav f. 1928, arbeidsformann på madrassfabrikken «Ligg-Godt A/S», Aasmund f. 1931, g. m. Thordis Konradsdtr. Kaspersen frå Hamarøy. han er kontormann på Årnes.

Hans Petersen Tandstad tok over bruket i 1912. Skøyte i 1925 frå mor si, Olave Olsdtr. Tandstad. Kår. Han dyrka ein del jord på garden, og bygde stor løbygning i 1925. «Du har visst bygt løe for heile Tandstadgarden, Hans,» sa ein av gamlekarane i grannelaget. Hans Tandstad vart mykje nytta i kommunen og hadde mange tillitsombod. Såleis var han ordførar i Sykkylven frå ca. 1925 til han døydde i 1933. Dessutan var han styremedlem i Sunnmøre Meieri 1924—1933. Enkja Marie Olsdtr. sat med Simågarden til 1953 då ho skøyte han over til sonen

*Trygve Hanssen Tandstad* f. 1925, g. 1952 m. Karoline Gjertsdtr. Dalseth frå Eid i Nordfjord f. 1926.

Br. frå 1953. Born: Hermod f. 1953. Geir f. 1955. Marit Kristin f. 1961.

Trygve Tandstad bygde på og moderniserte stovehuset i 1952. Ved sida av å drive garden arbeider han på fabrikk,

#### JAKOBGARDE-N bnr. 3.

*Ole Ingebrigtsen*, br. 15.—ca. 1615.

*Ole Steffensen Tandstad* f. ca. 1626.

Br. ca. 1654—ca. 1675.

Han skatta i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 2 geiter, 4 sauer og 1 okse. I tiendelista for 1675 heiter det at då var dette bruket øyde.

*Ole Ingebriktzen*, visstnok frå Erstad f. ca. 1644.

Br. ca. 1675 — 1712.

Sonen

*Jakob Olsen Tandstad* (f. ca. 1684, d. 1764) g.m. Lisbet Larsdtr. (f. ca. 1657, d. 1743) gift att 1744 m. Synnøve Ellingsdtr. Straumsheim (f. ca. 1696, d. 1771).

Byggesetel i 1712 frå magister Knut Man på 2 mællag. Nytt festebrev i 1720 frå H. Møller på 2 pd. 19½ mrk. Jakob Olsen sat med garden til 1751. Då kom

*Frå Tandstad Mellom — Jakobgarden til venstre, og  
Johannesgarden til høgre på biletet. I Jalcobgarden er det no  
oppkome nytt hus til venstre for gamletunet.*

*Jakob Jakobsen Aure* frå Jakobsgarden bnr. 13 f. på Eidheim i Pålsgarden bnr. 7 i 1722, d. 1785) g. 1752 m. Eli Davidsdtr. Grebstadbøen (f. 1728, d. 1789). Ho var dotter til David snikkar. Sjå Gamle husmannsplassar på Kagholen, Grebstad.

Br. 1751 — 1786.

Bygslebreve frå Christopher Abelset i 1751 på 2 pd. 19½ mrk. Jakob Jakobsen var lagrettemann. Sameleis som far sin var Jakob ein kjend bjørneskyttar. Han skaut m.a. ein bjørn på Nysætra i 1748, to i utmarka på Straume i 1768, og to bjørnar i 1766, då saman med Samund Larssen Stave.

Skiftebuet etter Jakob synte ei brutto eige på 144 rdl. og ein gjeld på 129 rdl.

Enkja gifte seg att i 1780 med

*Elling Ellingsen Brudevoll* (f. 1761, d. 1809) g.2, 1789 m. Siri Jansdtr. Drabløs (f. 1753, d. 1819).

Br. 1786—1810.

Bygselsetel i 1786 frå Nils Hagerup på 2 pd. 19½ mrk. Skiftebuet etter førstekona Eli Davidsdtr. i 1789 hadde er br. eige på 68 rdl. og ein gjeld på 57 rdl. Elling omkom i Langenesvatnet i 1809 saman med tre andre menn frå Tandstad.

Sonen

*Iver Ellingsen Tandstad* (f. 1791, d. 1874) g. 1810 m. Anne Pedersdtr. Fet (f. 1783, d. 1871).

Br. 1810-1839.

Bygselsetel frå hoffagent Jansen i 1810. Kår.

Iver Ellingsen var lagrettemann. Den gamle skylda på bruket, 2 pd. 19½ mrk., vart ved den nye skyldsettinga i 1838 endra til 1 dlr. 3 ort og 5 skl.

Versonen

*Karolus Olsen Brusdal* frå Skodje f. ca. 1810, d. 1840) g. 1839 m. Johanne Iversdtr. Tandstad (f. 1814, d. 1844).

Br. 1839—1840.

Karolus kom først som gardsdreng til Straumgjerde. Då han kom til Tandstad og tok over bruket, byrja han med handelsverksemd og reiste med jakt nordover langs kysten heilt til Lofoten. Ein gong Karolus var i Kristiansund, var det, etter tradisjonen, ein eller annan som ville gjere han ei prete og stappa att omnsrøyra til jakterommet bak der Karolus sov. Dette førde til at han vart kolosforgifta, og der døydde han. Dei som åtte dette bruket, Jansen & Søn i Bergen, skøyte det i 1842 over til Karolus sitt

dødsbu for 160 spd. Buett hans hadde ei brutto eige på 237 spd. og ein gjeld på 85 spd.

Enkja Johanne Iversdtr. gifte seg att i 1841 med

*Peter Andreas Pedersen Jordskar* frå Ørskog (f. 1810, d. 1877) g.2. 1845 m. *Kristiane Knutsdtr. Vik* frå Sjursgarden (f. 1800, d. 1856) g.3. m. *Petrine Eriksdtr. Heggebakk* (f. 1822, d. 1896).

Br. 1841 — 1871.

Peter og Johanne løyste ut bruket. Skiftebuet etter Johanne i 1844 hadde ei brutto eige på 280 spd. og ein gjeld på 135 spd. I 1845 fødde Peter 1 hest, 6 kyr, 10 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var ½ t. bygg, 2 t. bl.korn, 3½ t. havre og 1¼ t. poteter.

Son til Karolus Olsen og Johanne Iversdtr. tok over bruket. Det var

*Jens Olaus Karolussen Tandstad* (f. 1837, d. 1919) g. 1869 m. *Karoline Jensdtr. Våtmyr* (f. 1850, d. 1945).

Br. 1871—1905.

Born: Karl f. 1869, g. på bruket. Karen Marie f. 1870 g.m. Severin Brunstad på Brunstadbøen. Petrine f. 1873 g.m. Torger Vigstad, Straume, bnr. 26. Anne Gurine f. 1876 g.m. Syver Vestre, Vatne. Peter f. 1879 g.m. Johanne Jakobsdtr. Tjønes f. Hole. Sjø Tjønes, Sjursgarden bnr. 2. Jens f. 1881 g. m. Martha Vestre. Dei har bygt hus på dette bruket. Ingeborg f. 1884 g.m. Johan Volle, Borgund. Lina f. 1887. g.m. Peter Nymark, Langevåg. Karolus f. 1890 g.m. Helene Ellingsdtr. Ullavik. Sjø Blindheim, Nyhagen, bnr. 5. Marie f. 1893 g.m. Ole K. Aase, Borgund.

Jens Karolussen sat som bygslemann på bruket. Han fekk bygselsetel frå stykfar sin i 1871. Kår. I sine yngre år var Jens ein ihuga friluftsmann og jeger. Under militærtenesta si var han med ein kaptein frå Oslo som dreiv geografisk oppmåling på Sunnmøre. Ein heil sommar for dei og kleiv i fjella, og det var få toppar dei ikkje hadde vitja her på Sunnmøre. I 1864 då det såg ut til at Norge skulle kome i krig med Preussen og Austerrike for å hjelpe Danmark i det slesvikholsteinske spørsmålet, vart det m.a. mobilisert 4 mann frå Sykkylven, og ein av dei var Jens Karolussen Tandstad. Dei vart førde til Lærdal, og marsjerte over Filefjell til Gardermoen. Utrustinga si bar dei på ryggen. Reisa til Danmark vart det ikkje noko av, og karane slapp heim att. I 1875 fødde Jens 1 hest, 6 kyr, 2 ungdyr, 11 sauer, 9 geiter og 1 gris. Sånaden var 3 t. bl.korn, 4 t. havre og 2 t. poteter. Ved sida

av arbeidet med garden dreiv Jens sjøen, og han var styrmann på ymse båtar.

Sonen

*Karl Johan Jenssen Tandstad* (f. 1869, d. 1951) g. 1910 m. Lovise Olsdtr. Drabløs frå Samundgarden f. 1888.

Br. 1905—1938.

Born: Olga f. 1912 g.m. Amund Skaue, Skodje. Karoline f. 1915 g. m. Karl Brusdal, Borgund, Jens f. 1919 g. på bruket.

Karl Jenssen fekk skøyte på bruket i 1905 frå ervingane etter Peter Pedersen f. Jordskar og kona Johanne Iversdtr. Karl sette opp nytt stabbur i 1910 og ny løe i 1912, og la inn springvatn i husa. Han dyrka opp mesteparten av gardparten som ligg ovafor gamlevegen. Dessutan var han bygningsmann, og sette opp mange hus både i Sykkylven og andre bygder. Han arbeidde også ei tid i Ålesund som tømmermann. Karl Tandstad var synsk. Sameleis er dottera Olga. Dei er kjende over heile landet for evna til å sjå ting som er komne bort. Såleis var det mange som skreiv eller kom til Karl Tandstad for å spørje etter husdyr som var komne på vidotta, og han fortalde kvar dei skulle leite.

Bror til Karl Tandstad

*Jens Peter Jenssen Tandstad* f. 1881, d. 1973 g. 3918 m. Martha Vestre frå Vatne (f. 1884, d. 1954) fekk i 1929 rett til å setje seg opp eit hus til endes med stovehuset i Jakobgarden, og bruksrett til eit jordstykke i Ådalen. Jens Tandstad har drive fiske. I mange år hadde han også frakteskute.

Son til Karl og Lovise Tandstad har no teke over Jakobgarden. Det er

*Jens Sigvald Karlsen Tandstad* f. 1919, g. 1949 m. Bergljot Magnhild Bentsdtr. Sandal frå Vik (bnr. 4) f. 1925.

Br. frå 1938.

Born: Kjetil f. 1950. Gudrid f. 1952. Bent Jarle f. 1955. Tone Marit f. 1958. Liv Synnøve f. 1960. Frode Harald f. 1962. Runar Jens f. 1965

Jens Tandstad bygde nytt stovehus på bruket i 1959. Ved sida av å drive garden arbeider han ved Møre Transformatorfabrikk på Ørsnes.

#### PÅLGARDEN, bnr. 4.

*Elling Paulsen Tandstad*, br. 15.—ca. 1611.

Han gjekk i krigen i 1611 for Helge Straume. Året etter kom

det ein ny brukar i Pålgarden, truleg sonen

*Paul*, br. 1612—ca. 1645.

I 1624 er det ei enkje som sit med bruket. Det er difor mogleg at det har vore to med namnet Paul i tida 1612 — 1645, kanskje far og son.

*Sæmund Paulsen Tandstad* f. ca. 1616.

Br. ca. 1645—ca. 1685.

Han skatta i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 4 geiter og 2 sauer.

Sonen

*Paul Sæmundsen Tandstad* f. ca. 1639.

Br. ca. 1685—1714.

Han skatta i 1700 av 3½ mællag. I 1709 var han skuldig 12 skl. til «Hans Andersens enke, Anne Sørensdtr.», og vart stemnd for retten.

Versonen

*Elling Olsen* (f. ca. 1682, d. 1758) g.m. Anna Paulsdtr. Tandstad f. e. 1696, d. 1760.

Br. 1714—ca. 1758.

Bygselsetel i 1714 frå magister Knut Man på 3¾ mællag.

Sonen

*Paul Ellingsen Tandstad* (f. 1738, d. 1805) g. 1758 m. Siri Bottelsdtr. Dravlaus (f. 1733, d. 1799).

Br. ca. 1758—1791.

Han var lagrettemann. Det er mogleg at Paul har sysla med noko handel, for han låner av og til pengar, såleis 23 rdl. i 1770 av Ole Honningdal og set då i pant både buskapen sin og lausøyre. Skiftebuget etter Siri i 1799 hadde ei brutto eige på 21 rdl. og ein gjeld på 14 rdl.

Det ser ut til at Paul Ellingsen nokre år driv garden saman med verbror sin

*Steinar Knutsen Utgård* (f. ca. 1740) g. 1765 m. Sylveig Ellingsdtr. Tandstad (f. 1731, d. 1781).

I 1768 er Steinar komen i «ytterste fattigdom» og saman med fleire andre klagar han si naud på tinget i Honningdal. Sjå om dette under Lyshol bnr. 3. Steinar var på Tandstad til ca. 1770. Eit par år seinare vart han nemnd som husmann på Bukkeskinn i Hjørundfjord.

Enkja vart gift 1776 til Bø-Knut-garden på Brunstad.

Son til Paul Ellingsen og Siri Bottelsdtr. tok over Pålgarden. Det var

*Elling Paulsen Tandstad* (f. 1761, d. 1820) g.1. 1790 m. Halfrid Larsdr. Ytre Tandstad (bnr. 2) (f. 1758, d. 1810) g.2. 1810 m. Ingeborg Pedersdr. Tandstad frå Johannesgarden bnr. 1 (f. ca. 1782, d. 1829).

Br. 1791—1822.

Byggselsetel i 1791 frå H. Røring etter fullmakt frå C. Hagerup og Henning Abelset. Elling var lagrettemann. Skiftebuet etter Halfrid Larsdr. i 1810 hadde ei brutto eige på 463 ml. og ein gjeld på 148 rdl. Buet etter Elling i 1821 var fallitt. Enkja Ingeborg Pedersdr. gifte seg att i 1822 med

*Lars Hanssen Straumsheim* (f. 1784, d. 1835) g. 2. 1830 m. Karen Olsdr. Myrset f. Midtgård (f. 1803, d. 1850). Ho var enkje etter Lars Isaksen Myrset.

Br. 1822 -1836.

Lars Hanssen fekk bykselsetel i 1822 frå Lisbet Larsdr. Erstad f. Fauske, enkje etter Peder Jakobsen Erstad. Far hans, Jakob Pedersen Erstad, hadde kjøpt dette bruket i 1793 av ervingar i Abelsetætta. Skøyte frå P. S. Astrup. Lars Hanssen Tandstad var lagrettemann og skrivekunnig. Han fekk stemmerett i 1829. Skiftet etter han i 1835 synte ei brutto eige på 213 spd. og ein gjeld på 31 spd.

Enkja Karen Olsdr. gifte seg att i 1836 med

*Amund Larssen Tandstad* frå Åmundgarden (Simågarden) bnr. 2 (f. 1802, d. 1892) g.2. 1851 m. Anne Marie Jakobsdr. Brudevoll (f. i Hansgarden på Fet 1801, d. 1866). Det var tredje ekteskapet hennar. (G. 1. 1822 m. Lars Ingebrigtsen Brudevoll, g. 2. 1843 m. Lars Andreas Olsen Blindheim).

Amund Larssen brukte garden frå 1836 til 1857. I 1840 løyste han ut bruket av Peder Pedersen Riksheim og fekk skøyte for 240 spd. Peder Pedersen hadde kjøpt Pålgarden i 1825 av Lisbet Larsdr. Erstad for 200 spd. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 2 pd. 19½ mrk. endra til 1 dlr. 3 ort og 5 skl. Det var jordskifte på innmarka på Tandstad i 1840 og Pålgarden flytte då ut frå gamletunet og ett stykke nordover, ut om Ådalen.

Amund fødte i 1845 1 hest, 6 kyr, 10 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var ½ t. bygg, 2 t. bl.korn, 3½ t. havre og 1¼ t. poteter. Amund dreiv bondehandel og reiste med jakt langs kysten. Såleis var han ofte i Trondheim. Henning Strømme fortalde i 1955: «Den tida eg gjekk på skulen, hugsa eg at læraren vår,

Peter Amundsen, ofte samtala med Gamle-Åmund, som fortalde frå den tida han dreiv Trondheimshandel med jakt. Jakta la han bi på Gjerdeholen. Åmund sa m.a.: «I Trondheim, banj, va de svære guta te å bygge, banj. Dei bygde ta rundt timber, åsså gjibsa dei enj grand og vart ferdige med di, banj». Amund åtte også fleire gardar. Såleis åtte han bnr. 1 på Ytre Tandstad i mange år. Pålbruket gav han gåvobrev på til Lars A. Larssen Strømme og Karl Petersen Brunstad i 1887, med atterhald om at gjevaren skulle ha landskylda av bruket så lenge han levde.

Amund hadde bygsla bort bruket i 1857 til

*Andreas Karolus Rasmussen Tjønes* frå Rasmusgarden bnr. 6 (f. 1834, d. 1913) g. 1. 1857 m. Anne Gurine Pedersdtr. Tandstad (f. 1816, d. på barsel 1859). Ho var dotter til Peder Larssen Hole og Marte Larsdtr. Tandstad. Andreas g.2. 1860 m. Kristiane Susanne Hansdtr. Sætre (f. 1829, d. 1913).

Br. 1857—1899.

Born: 1. ekteskap: Ingeborg *Marie* Lovise f. 1857.

2. ekteskap: Anne Karoline Lovise f. 1860, budde i Pål garden. Amund f. ca. 1863 (1867 ?) g. på bnr. 5. Petrine f. ca. 1867. Tomasine f. 1872. Utvs. nr. 899.

I 1875 fødte Andreas 1 hest, 1 unghest, 6 kyr, 2 ungfe, 12 sauer, 7 geiter og 1 gris. Til dette kom kårdyra til Amund Larssen: 2 kyr, 4 sauer og 4 geiter. Sånaden på bruket var 4 t. bl.korn, 4½ t. havre, og 4½, t. poteter. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda 1 dlr. 3 ort. og 5 skl. revidert til 2,97 skyldmark. Då Andreas Rasmussen i 1899 gav frå seg bygselen, vart garden delt. Sonen Amund Andreassen Tandstad fekk kjøpe den halvparten som Karl Petersen Brunstad hadde fått skøyte på i 1887, og sette bu på Nedreholen. Sjø bnr. 5. Lars A. Larssen Strømme som hadde fått skøyte på den andre halvparten, let sin del over til sonen

*Nikolai Larssen Strømme* (f. 1864, d. 1934) g. 1892 m. Karen Iversdtr. Melset frå «Ækrå» (f. 1867, d. 1944).

Br. 1899—1933.

Born: Olivia f. 1892 g.m. Zakarias Furnes i Søvikdal. Hilmar f. 1900 g. på bruket.

Nikolai hadde først drive gard på Klokk i nokre år og sidan vore busett på Aure ei tid før han tok over halve Pål garden. Han kjøpte eit nedlagt meieri på Skodje, førde det til Tandstad, og sette det opp att på Øvsteholen til stovehus. Nikolai bygde også



løe. Gamletunet låg litt lenger nede i bakken. Om vintrane dreiv Nikolai fiske.

Sonen

*Hilmar Nikolaisen Tandstad* f. 1900 g. 1922 m. Lina Berntsdtr. Stave frå Utheim bnr. 3 (Øvste-Teigen) f. 1904.

Br. 1933—1956.

Born: Norvald f. 1921 g. på bruket. Solbjørg f. 1925 g.m. Simon Løseth. Sjø Stave bnr. 3. Kjellaug f. 1927 g.m. Johan Oterhals. Sjø Tandstad Mellom bnr. 15. Bjarne f. 1934 g.l. 1958 m. Gunnhild Johnsen frå Elvebakken i Alta, g.2. 1966 m. Astri Sæd frå Ikornnes, Harald f. 1939 g.m. Arnfrid Lyshol. Sjø Tandstad Mellom bnr. 14.

Hilmar Tandstad dreiv først Knutgarden på Sætre i 4 år og sidan Utheim bnr. 3 på Stave i 5 år før han i 1933 kom til Tandstad og tok over Øvsteholen, d.v.s. halve Pålbruket. Skøyte i 1920 frå far sin for 3000 kroner og kår. Hilmar har modernisert stovehuset og lagt ned mykje arbeid på bruket, snudd om gamal voll og teke ein heil del veiter. Buskapen var 1 hest, 5 kyr, ungdyr og 5—6 sauer. Ved sida av arbeidet med garden dreiv Hilmar vegarbeid i lang tid. No arbeider han på fabrikk. Lina Berntsdtr. har i seinare år sysla med strikkearbeid.

Sonen

*Norvald Hilmarsen Tandstad* f. 1923 g. 1946 m. Anny Johansdtr. Nygård frå Gamlemshaug f. 1922.

Br. frå 1956.

Born: Helge f. 1948. Jarle f. 1952,

Skøyte i 1955 for 5000 kroner og kår til foreldra. Før Norvald tok over dette bruket var han 4 år på Stave og dreiv Utheim bnr. 3. Han bygde ny løe på Øvsteholen i 1956, og bygde på stovehuset i 1964. Norvald Tandstad arbeider på fabrikk. Buskapen er redusert til 2 kyr og nokre sauer. Hesten vart skift ut med traktor i 1957.

NEDSTE-HOLEN bnr. 5.

Pålbruket bnr. 4 vart delt i 1899, og kvar halvpart fekk 1,49 mark. i skyld. Son til Andreas Rasmussen Tandstad i Pål garden tok over den halvparten som fekk namnet Nedste-Holen. Det var

*Amund Andreassen Tandstad* (f. 1868, d. 1947) g. 1892 m. Kanutte Sivertsdtr. Ekornes (f. 1875, d. 1954).

Br. 1899—1940.

Born: Kristine f. 1899, g. 1930, g.m. Knut Eidsvik frå Vatne. Alfred f. 1902 g. på bruket. Sverre f. 1907, d. 1961. Lovise f. 1912 g. m. Anton Molnes frå Vigra. Arne f. 1915 g. m. Kari Frøysa. Sjø Straumgjerde bnr. 43, Antonia f. 1918 g.m. Olav Midtgård. Sjø Straumgjerde bnr. 56.

Amund Andreassen Tandstad kjøpte i 1899 den halvparten av Pål garden som Karl Pettersen Brunstad hadde fått skøyte på i 1887, og betalte 2050 kroner. Med i handelen var også fjerdeparten av ei kvern på Riksheim og halvparten av husa på Pål bruket. Dessutan skulle Amund legge kår til foreldra. Han bygde nytt stovehus og ny løe på bruket sitt og la ned mykje arbeid for å dyrke det opp. Om vintrane dreiv han fiske.

Sonen

*Alfred Amundsen Tandstad* f. 1902 g. 1936 m. Ester Karlsdtr Hole frå Olagarden (f. 1911).

Br. frå 1940.

Born: Kirsten f. 1938 g.m. Vermund Vassbotn frå Stranda. Karsten t. 1940. Yrkesskule og Kongsberg formingsskule, no lærar ved Rørås Yrkesskule. Astrid t. 1946. Handelsutdanning, kontordame. Grete- f. 1949. Realskule. Sydame.

Alfred Tandstad fekk skøyte på bruket i 1940 frå far sin. Kår. Ved sida av å drive Nedste-Holen leigde Alfred Tandstad i fleire år bruket til lensmann Bernt Tandstad, (bnr. 1 på Ytre Tandstad). Buskapen var i denne tida 5 mjølkekyr, 3 — 4 kalvar og kviger og 8 sauer. Både før Alfred Tandstad tok over garden og seinare har han vore mykje på vegarbeid. Han var også i lang tid arbeidsformann. Frå 1950 har han drive leigekøyring med traktor ved sida av arbeidet med bruket.

SOLVIKA bnr. 0.

Utskild frå Jakobbrukei bnr. 3 i 1914 med skyld 0,68 mark.

Ole Larsen Fet frå Nilsgarden (f. 1876, d. 1951) kjøpte dette stykket i 1914 av Karl Jenssen Tandstad for 800 kroner. Ole bygde stovehus og løhus og dyrka stykket godt opp. Han var skomakar. I ung alder måtte eine foten hans takast av under kneet, og han gjekk sidan med kunstig fot. han gjekk over på kår i 1950 og selde eigedomen til

*Eivind Edvardsen Riise* frå Hjørundfjord f. 1905, g. 1931 m. Lina Edvardsdtr. Ullavik f. 1910,

Born: Margot f. 1932 g. 1951 m. Sverre Karlsen frå Borgund. Ingvarda f. 1934 g. 1951 m. Ingmar Tandstad. Egil Leif f. 1946.

Ved sida av arbeidet med bruket har Eivind vore fiskar og vegarbeidar.

#### NESTUN bnr. 8.

Tomt utskild frå Johannesbruket bnr. 1 i 1939 med skyld 0,02 mark og seld same året av Elias C. Tandstad til

*Ingolf Elias Eriksen* (f. 1893, d. 1957) g. 1916 m. Kathrine Johnson f. 1891, bår frå Ålesund. Han bygde hus på tomte, og nytta det som sommarbustad. Ingolf Eriksen var sjefsrevisor i Ålesund kommun.

Born: Karl Johan f. 1917, kjøpmann i Ålesund, g.m. Karoline Dalen g. 1922, frå Norddalen. Erling f. 1919. Sjå nedafor. Inger f. 1921 g. 1944 m. Lars L. Tynus (Sjå tomt under Vik bnr. 6.) Reidun f. 1924. Sjå nedafor.

I 1968 overdrog Kathrine Eriksen sommarbustaden til sonen (1) og versonen (2)

1. *Erling Eriksen* f. 1919, ingeniør ved Ålesund El.verk, g. m. Solveig Nilsen frå Ålesund 1 1920.

Born; Ingolf f. 1949. Randi Sofie f. 1955.

2. *Bastian Weiberg-Aurdal* f. 1922, lækjar i Ålesund, (sjå også Velle bnr. 13) g.m. Reidun Eriksen f. 1924.

Born: Inger f. 1951, fysioterapeut. Bastian Jarle f. 1957.

#### SOLTUN bnr. 9.

Utskild Frå Johannesgrarden bnr. 1 i 1944 med skyld 0,04 mark.

*Inge Sverre Edvardsen Tandstad* frå Indre Tandstad bnr. 1, i. 1917 g. 1942 m. Else Kirsti Eliasdtr. Tandstad frå Johannesgrarden bnr. 4, f. 1923, bygde hus i 1948. Han arbeider i møbelindustrien.

born: Egil f. 1943. Svanhild f. 1946. Gunnar f. 1949, d. 1955.

SANDNES bnr. 10.

Tomta utskild frå Johannesbruket bnr. 1 i 1946 med skyld 0,02 mark.

*Arne Carlsen Tandstad* frå Johannesgarden bnr. 1 g. 1934 m. Dagny Kristiansdtr. Wilsgård frå Torsken i Senja f. 1910. Dei bygde hus i 1960. han arbeidde i møbelindustrien til 1957 då han byrja som agent. No er han distriktsjef i Norsk Spireselskap.

FREDHEIM bnr. 12.

Tomta utskild frå Johannesbruket bnr. 1 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Ingemar Eliassen Tandstad* frå Johannesgarden bnr. 1, f. 1933 g. 1951 m. Ingvarda Eivindsdtr. Riise (Sjå Tandstad bnr. 6) f. 1934, bygde hus i 1959.

Born: Wenche f. 1952. Linda f. 1957. Endre f. 1966.

HØGTUN bnr. 14.

Tomta vart utskild frå Pålgarden bnr. 4 (Øvsteholen) i 1955 med skyld 0,01 mark.

*Harald Hilmarsen Tundstad* frå Øvsteholen f. 1939 g. 1963 m. Arnfrid Øysteinsdtr. Lyshol (sjå Eidem bnr. 4) f. 1943, bygde stovehus i 1965. Han arbeider i møbelindustrien.

Born: Roger f. 1963. Hallgeir f. 1964.

VONHEIM bnr. 15.

Tomta vart utskild frå Pålgarden bnr. 4 (Øvsteholen) i 1955 med skyld 0,01 mark.

*Johan Oskarsen Oterhals* frå Nord-Aukra f. 1929 g. 1952 m. Kjellaug Hilmarsdtr. Tandstad frå Øvsteholen f. 1927, bygde hus i 1957. Han arbeider i møbelindustrien.

Adoptivbarn: Jan Kåre f. 1963.

STRANDHEIM bnr. 17 og 18.

Bnr. 17 vart utskilt frå Nedsteholen bnr. 5 i 1960 med skyld 0,01 mark. Bnr. 18 vart utskilt frå Jakobgarden bnr. 3 i 1960 med skyld 0,01 mark.

*Gustav Karlsen Tandstad* frå Ytre Tandstad bnr. 3 f. 1936, g. 1956 m. Gunda Oskarsdr. Leseth frå Ørlandet, bygde hus i 1962. Han var salsmann til han saman med bror sin Martin Tandstad starta agenturfirmaet «Handelskompaniet A /S» med kontor i Straumgjerde.

Born: John Otto f. 1957. Anne Gunn f. 1939. Svein Atle f. 1962. Palma Karin f. 1964.

HØGETUN bnr. 19.

Tomta vart utskild frå bnr. 11, ein parsell av Simåbruket, i 1961 med skyld 0,02 mark.

*Einar Olav J. Astad* frå Øre f. 1926 g. 1954 m. Oddrun Hansdr. Tandstad frå Simågarden f. 19/27, bygde hus i 1962.

Born: Magnhild f. 1955. Annlaug f. 1957. Egil f. 1959. Randi f. 1961. Hildegunn f. 1963.

BJØRKTUN bnr. 25.

Tomt utskild frå Johannesbruket bnr. 1. Ola E. Tandstad selde tomte i 1973 til verbroren

*Arthur Joachim Andreassen Kobbevik* frå Elnesvågen, Fræna, 1. 1905 g. 1955 m. Oddlaug Oskarsdr. Wenersberg frå Gåseid, Borgund, f. 1917.

Arthur Kobbevik tok i 1936 over eit gardsbruk i Fræna etter foreldra sine som i 1919 hadde flytt dit frå Sande på Sunnmøre. I 1969 overlot han bruket til ein brorson, og Arthur Kobbevik og kona flytte til Sykkylven. Dei bygde hus på denne tomte i 1974,

## Tanstad Indre, gnr. 22.

### «Instøggarden» [\(Til innhald\)](#)

I skattelista for 1626 vert namnet skrive Tandestad Ødegaard, i 1666 Inder Tandestad Ødegaard, 1700 Indre Tandestad, 1706 Inder Tandstad Ødegaard. Indre Tandestad i 1723. I dagleg tale kort og godt Instøggarden. Sjå elles om skrivemåten til gnr. 20 og 21. Garden ligg i bakkehallet opp etter frå vestsida av Sykkylvsfjorden, og grensar i nord mot Tandstad Mellom, i aust mot utmarka til fjells, og i sør mot Straumgjerde innmark og utmark. Mellom Straumgjerde og Tandstad Indre var det i si tid hagard, stykkevis steingard. Etter tradisjonen var det Elling Pedersen Strømme på Nymarka bnr. 3 som sette opp det meste av steingarden.

Instøggarden har truleg vore øydegard etter Svartedauden i 1349. Det er heller ikkje nemnt brukarar på Indre Tandstad i Tiendepenninglista frå 1520. Først på 1600-talet var det 1 brukar på denne garden, og berre eitt bruk var det heilt fram til 1913 då garden vart delt mellom to brør. Seinare har desse bruka skilt ut nokre parsellar og tomter.

Garden har også vore i eitt stykke heilt fram til 1913 då det som nemnt vart delt. Dei som hjelpste til med delinga, var Fredrik Fet, Jens Drabløs og Ludvig Brunstad. Bytet mellom dei to bruka går om lag i retning aust-vest, slik at det eine bruket ligg nærast sjøen, det andre nærast opp mot utmarka og fjellet.

Gamleåkrane på garden låg på dei tørraste stadene og skarpaste rabbane. Største åkeren bar namnet Storåkeren. Han var ca. 4 mål stor, og låg ut mot Grovadalen. Av denne åkeren fekk dei to nye bruka halvdelen kvar. Ulles hadde dei Fjøsåkeren sør for berghaugen og det nye stovehuset på Øvstegarden bnr. 1. Han låg ikkje langt frå løa med fjøsen som stod på tvers på flata med endeveggen mot fjellsida. Vidare hadde dei Langåkeren utafor løa i Nedstegarden bnr. 2, og Steinrabben sør for stovehuset der.

Dei dyrka mest havre, fortel Edvard Tandstad. Vasshjulet stod

nord for den nye stova i Øvstegarden, ut og ned på bakkerøra, og vatnet bægde dei ned i veite frå elva i Grovadalen.

Petter Kristensen Tandstad, far til Edv. Tandstad, kjøpte i si tid ei truskemaskin av Lars Bernt Ellingsen Ytre Tandstad, og dette var første maskinen Indre Tandstad hadde som vart driven med vasskraft. Til den tid hadde dei nytta tust og skeidel i truskinga. Seinare nytta dei også desse reidskapane stundom, når dei skulle «banke utu» noko korn for å berge seg or eit knipetak. Då den elektriske krafta kom frå Riksheim fossen, kjøpte nokre av brukarane på Tandstad og Tandstad Indre elektrisk motor og ein «Tennfjordmaskin» til å truske med. Eigarane av «Tennfjord-Maskinen» var C. Tandstad i Johannesgarden, Hans Tandstad i Simågarden, Karl J. Tandstad i Jakobgarden og Amund Tandstad i Pål-garden.

Kvernhuset på Indre Tandstad stod i Grovadalen. Edv. Tandstad hugsar sjølve huset, men ikkje kverna. Det var lite og ustadig vatn i Grovadalen, og frå 1900-årsskiftet mol Indre Tandstad for det meste på Riksheim. I 1970-åra var det lite åker og korn på Indre Tandstad.

Skogteigane låg ovafor bøgarden, men er no etter siste jordskiftet samla til eigedomsgrunn. Det var heller lite skog på bruket, mest eine og åre som kom vel med til brenneved, og dessutan noko bjerk. Dei spedde på med torv til brensel. Torvet spadde dei i Brune på røra av setredalen. Ein gong i tidlegare tider har det nok også vore større skog i markene på Indre Tandstad. Det er såleis merke etter tjørehjeller på garden, m.a. på Vass-haugrøra ut og oppe på fjellet.

Indre Tandstad hadde lut i setremarka i Straumsdalen i saman med baa dei andre Tandstadgardane og med Straumgjerde og Straume. Dyra kom først til Hindaholen, seinare på Langeneset inne ved vatnet i Straumsdalen. Det var då organisert med gjeting og gjetarlag. Edv. Tandstad fortel at i gamal tid hadde Straumgjerde og Ytre Tandstad gjetl i lag, sameleis Tandstad Indre og Tandstad Mellom, men Straume var åleine. Gjetsla gjekk på omgang hjå oppsitjarane. Dyra vart bægde til dei ymse felta også på omgang: ein dag m. a. i Breiskredene, neste dag i «Lia», så i Godfarholthaugane og Hammarsetmarka, og ein dag i Fenjane. Indre Tandstad trøyte på setra ofte til vinternettene, men etter førre verdskrigen har det vorte lite drift på setra. Mest har marka vorte brukt til lauskrøter. I 1930 — 40-åra vart det

også på denne garden byrja med kulturbeite, og det vart gjort tiltak for å betre storfeet til større yting gjennom meir planfast feal. Det vart slutt med «småoksane» som brukarane heldt kvar sitt år, og dei gjekk over til lagsoksar og inseminering.

Gamlet tunet på Indre Tandstad låg sør for det nye stovehuset på Øvstebruket bnr. 1. Vatnet til folk og fe bar dei med hissetre frå Grovadalen heilt fram til slutten av 1920-åra då dei fekk lagt inn springvatn. Sjå elles om husbygging under Brukarar.

Næringsgrunnlaget på Indre Tandstad har vore åkerdrift og fedrift heilt fram til 1930 — 40-åra, med fiske til havs og i fjorden som viktig attåttnæring. Dei fleste vaksne og friske mannfolk rodde torskefiskja, anten som lutmann eller som rorskar, og fiskja varde som regel frå februar til slutten av mars. Som regel hadde garden også kastenot som dei nytta i fjorden, men vissaste var no leitarvadet. Av og til kom det også sild inn fjorden, og då kunne dei gjere varp med både not og garn. I seinare år har fisket til havs vorte ei «saga blot», og fisket i fjorden meir og meir ei avkopling frå mas og hardt arbeid i industrien som har vorte hovudnæringa også for dei fleste som har teke buplass på Indre Tandstad. Gamlevegen som i eldre tid gjekk nokså høgt oppe i bakkane over Indre Tandstad, ovafor gamletunet på garden, vart omlagd rundt 1900-års-skiftet, men i seinare år har busettinga auka og nye tun skyt opp også her på Øvre Tandstad. Difor har vegen vorte vølt og utvida, jamvel asfaltert i 1970-åra, slik at der er gode vegtilhøve no.

#### EIGARAR.

Indre Tandstad var Rosenkrantzgods og hadde same eigarar som Ytre Tandstad til Johan Frimann i slutten av 1600-åra løyste ut garden. Han døydde i 1706, og Indre Tandstad gjekk over til sonen Claus Frimann, prest i Selje, d. 1715. Enkja Anna f. Harboe gifte seg alt med Søren Madsen, som også vart prest i Selje. Anna f. Harboe døydde i 1769, og i 1776 vart Indre Tandstad selt på auksjon til presten Ebbe Carsten Tønder for 60 rdl. Frå han gjekk garden over til presten Baade, og enkja hans testamenterte Indre Tandstad til kaptein Ebbe Carsten Astrup som var eigar frå 1843 til 1852 då han selde til Martinus Gulliksen Velle. Martinus selde bruket til bygslaren på Indre Tandstad.



Matrikkelgarden.

Indre Tandstad, eller Tandstad Ødegård, var etter gamalt rekna i skatteklasse med øydegardar. Skylda var 1 våg fiskeleige først på 1600-talet. Landkommisjonen i 1661 sette skylda til 1½ våg, men ved skyldsettinga i 1666 vart den gamle skylda på 1 våg, ståande uendra.

I 1883 vart skylda endra til 2 dlr. og 15 skl., rev 1890 til 3,66 mrk. Leidangan var i 1600- åra 2 kalvskinn. I 1724 var leidangen 1 mrk. 9 skl. Tienda var i 1666 1 t. havre og 8 mrk. ost, og dette var uendra i 1724.

Brukarar.

#### INSTEØGGAREN BRN. 1

*Ole Sivertsen Indre Tandstad*, br. 15.—ca. 1620.

*Peder Salmundsen Indre Tandstad*,

Br. Ca. 1620—ca. 1644.

Han sår 2½ t. korn på garden sin i 1626.

*Knut Knutsen Indre Tandstad* f. ca. 1606.

Br. Ca. 1644—1680.

Han skatta i 1658 av 1 hest, 10 kyr, 4 geiter og 1 okse. Mest truleg har det vore ein Knut til før neste brukar kom som også heitte

*Knut Knutsen Indre Tandstad*, (f. ca. 1666, d. etter 1706). g.m. Ragnhild Olsdtr. D. 1706.

Skiftebuet etter Ragnhild i 1706 hadde ei brutto eige på 39 rdl., og ingen gjeld.

*Knut Knutsen Tandstad-Ødegård* (f. ca. 1664, d. 1736) truleg gift med Marte Olsdtr. som døydde som enkje 69 år gml. i 1743. Br. 1716—ca. 1732.

Knut fødte 6 naut og 1 hest i 1724. Sånaden var 3 t. havre, og avlinga 10 t. Knut Knutsen fekk bykslesetel i 1716 på 1 våg frå klokkaren Samuel Cristensen som skreiv for Claus.Frimann.

*Ingebrikt Olsen Brunstad* (f ca. 1705, d. 1765) g. 1. 1732 m Anna Knutsdtr. Tandstad (f. ca. 1709 d. på barsel 1749) g.2. m Inger Karin Pedrsdtr. Frøyland eller Skinnvikbotn ( f. ca.1712, d. 1776). Ho var frå Volda, dotter til Pedr Jensen Føyland og Magrete Franzdotter Rødset. Ingebrikt sat som brukar ca. 1732 —1765.

Enkja Inger Pedersdtr. gifte seg att 1767 med

*Knut Knutsen Indre Tandstad-Ødegård* frå Straumsheim (f. 1721, d. 1783).

Br. 1765—1777.

Bygselsetel i 1765 frå prostinne Anna Madsen, enkje etter Claus Frimann og Søren Madstin. Skiftebuet etter Inger Pedersdtr. i 1776 hadde ei brutto eige på 106 rdl. og ein gjeld på 46 rdl.

Verson til Inger Pedersdtr. frå første ekteskap tok over bruket etter Knut. Det var

*Jetmund Hanssen Sætre* (f. 1745, d. 1798) g. 1778 m. Anne Margrete Ingebrigtsdtr. Indre Tandstad (f. 1752, d. 1829).

Br. 1777 -1798.

Bygselsetel i 1777 på 1 våg frå presten Ebbe Carsten Tønder. Jetmund la kår til Knut, stykfar sin: 1 t. bygg, 3 t. havre og for til 3 kyr og 4 sauer. Knut skulle hjelpe til med arbeid i onnene.

Jetmund var lagrettemann. Han og Anne Margrete hadde ein son som heitte Ingebrigt f. 1778. Han var soldat i 1808 ved garnisonen i Bergen og der vart han gift med ei kjøpmannsenkje Anne Bergitte som ætta frå Bjerkreim. Ingebrigt tok over forretninga, og etter tradisjonen vart han velstående. Han hadde ikkje born. I 1854 oppretta han eit legat for fattige i Sykkylven. Det fekk namnet Ingebrigt Tandstad og hustru Anne Bergitte Tandstads Legat, og var på 400 spd. Seinare fekk dette legatet ein tilleggssum på 200 spd. frå Pål Furnes.

Legatet hadde ved nyttår 1968 auka til ca. 16.303,00 kroner.

Foreldra hans på Tandstad sat i trange kår, og far hans døydde før Ingebrigt kom så langt at han kunne hjelpe han økonomisk. Buet etter Jetmund i 1798 var fallitt. Enkja Anne Ingebrigtsdtr. gifte seg att med enkjemannen Jetmund Larssen Tusvikgerde f. Ytre Tandstad og flytte til Tusvik.

Etter Jetmund kom

*Ole Knutsen Ringstad* frå Lånagarden (f. 1767, d. 1836) g. 1798 m. Barbro *Petrine* Pedersdtr. Sløgstad (f. 1865, d. etter 1836).

Br. 1798—1831.

Ole Knutsen skreiv seg for Tandstad-Ødegård då han gifte seg. Han fekk bygselbrev på 1 våg frå prostinne Tønder i 1798. Kår til enkja Anne Ingebrigtsdtr.: For til 1 ku, 5 sauer og 1 geit, dessutan årleg 16 våger korn; av dette 8 våger havre, 4 våger hamle-korn og 4 våger bygg. Ole Knutsen var lagrettemann.

Sonen

*Rasmus Olsen Indre Tandstad* (f. 1803, d. 1859) g. 1825 m.  
Tyri Hansiane Knutsdr. Sætre (f. 1797, d. 1867).

Br. 1831—1856.

Bygselsetel frå fru Baade på 1 våg i 1831. Den gamle skylda på garden, 1 våg, vart ved den nye skyldsettinga i 1838 endra til 2 dlr. og 15 skl. Buskapen i 1845 var 1 hest, 7 kyr, 14 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var 3 t. bl.korn, 3½ t. havre og 2 t. poteter.

Rasmus flytte stovehuset frå bakkerøra der det stod før og noko lenger inn på flata. Han og Tyri gjekk over på kår i 1856. Ho vart enkje i 1859, og året etter gifte ho seg att, 63 år gamal, med Jørgen Peter Ingebrigtsen Velle, 27 år gamal, f. 1833. Han vart då kårmann på Indre Tandstad. Som enkjemann gifte han seg seinare til Straumgjerde, Eilevgarden bnr. 2.

Ny brukar på garden etter Rasmus Olsen vart

*Jens Elias Pedersen Tu* (f. 1825, d. 1875) son til Peder Hallsteinsen Tu og Johanne Hansdr. Sætre. Jens skreiv seg for Tandstad då han i 1850 gifte seg med Karen Petrine Monsdr. Vik frå Lånagarden (f. 1830, d. 1910).

Br. 1850—1879.

Born; Johanne Marie f. 1852, d. 1929. Randi Thomasine f. 1855 g. på bruket. Johanne Petrine f. 1858 g. i Molde. Martinus f. 1862, g.m. Elise Flåte, Skodje. Peter f. 1864 g.m. Karoline Andreasdr. Aure (bnr. 57). Busett Ikornnes. Olave f. 1868, læraririne, g.m. Petter K. Fiskergård. Hans Johan f. 1873. Utvs. nr. 902.

Jens Pedersen fekk bygselsetel i 1856 frå Martinus Gulliksen Velle. I 1875 var buskapen 1 hest, 7 kyr, 3 ungdyr, 15 sauer, 5 geiter og 1 gris. Sånaden var 4½ t. bl.korn 4½ t. havre og 2 t. poteter. Jens bygde på løa, og dreiv elles fiske om vintrane.

Versonen

*Petter Kristensen Hole* frå Holen brn. 3 (f. 1851, d. 1898). g. 1878 m. Randi Jensdr. Indre Tandstad (f. 1855, d. 1944).

Br. 1879—1913.

Born: Jens f. 1879. Utvs. nr. 906. Karl f. 1880. Utvs. nr. 907. Petter f. 1883. Utvs. nr. 910. Tok over halve bruket. Sjø bnr. 2. Edvard f. 1885. Utvs. nr. 905 g. på garden. Johanne f. 3887. Utvs. nr. 904. Anne f. 1890 g. m. Jens Larssen Riksheimgjerde. Karen f. 1893 g.m. Ludvik O. Sjøholt. Dei tok over gard i Øksendalen. Olave Jensine f. 1898, d. 1929. Sjukepleierske.

Petter Kristensen fekk bygselsetel i 1879 frå Martinus Gulliksen Velle. Kår til Karen Monsdtr. Ved den nye skyldsettinga i 1890 fekk dette bruket 3,66 mark i skyld. Petter sette opp nytt stabbur på bruket. Ved sida av arbeidet med garden, dreiv Petter fiske, serleg vinterfiske. Etter at Randi vart enkje, dreiv ho garden åleine i fleire år. I 1913 delte ho bruket. Sonen Petter tok over nedste halvparten av bruket. Sjå bnr. 2. Den andre halvparten med gamletunet gjekk over til sonen

*Edvard Pettersen Tandstad* f. 1885 g. 1911 m. Susanne Ingebrigtsdtr. Strømme frå Straume bnr. 5 (f. 1880, d. 1959).

Br. 1913—1950.

Born: Jens f. 1911 g. på bruket. Randi f. 1913 g. m. Alfred Pettersen Riksheim. Sjå Straume bnr. 25. Inge f. 1917 g.m. Else Eliasdtr. Tandstad. Sjå Tandstad Mellom bnr. 9. Karl f. 1919. Signe f. 1922 g. m. Peder Iversen Viddal, busett Oslo. Ester f. 1928 g.m. Bjarne Johansen Vedvik frå Nord-Vågsøy. Sjå Tandstad Indre bnr. 6.

Gamlehusa på bruket var svært til nedfalls kring 1900-års skiftet. I 1908 fall gamlestova av eiga tyngde. Folket på garden hadde i 1900 flytt inn på stabburet som var etter måten nytt, og dei budde der til Edvard Pettersen sette opp nytt stovehus i 1930, etter at han i 1927 kom heim for godt frå USA. Utvs. nr. 905. I 1923 hadde Edvard bygt nytt løhus. Han har lagt ned ett svært arbeid på bruket som han har hakkebrote og dyrka storparten av. Buskapen var 1 hest, 7—8 mjølkekyr og 7—8 sauer. Ved sida av arbeidet med garden har Edvard vore murar, og han har vore med og sett opp mange hus rundt om i bygda.

Sonen

*Jens Edvardsen Tandstad* f. 1911 g. 1945 m. Jenny Karlsdtr. Gjævenes f. 1913.

Br. frå 1950.

Born: Eivind f. 1946. Sylveig f. 1948 g.m. Rolf Olsen frå Ørsta. Jofrid f. 1953.

Jens Tandstad bygde på og moderniserte stovehuset i 1950. Han har vølt fjøsane, lagt inn automatiske drikkekar, kjøpt mjølkemaskin og bygt silokummar. I 1959 kjøpte han traktor. Hesten selde han i 1967. Dei fôrar no 5 mjølkekyr, 6 ungdyr og 8—10 sauer. Jens Tandstad har arbeidt i møbelindustrien frå ca. 1928. Han er no tilskjerar.

NEDSTEGARDEN bnr. 2.

Enkja etter Petter Kristensen Tandstad, Randi Jensdtr., delte i 1913 Indre Tandstad mellom to av sønene sine. Kvar av partane fekk ei skyld på 1,83 mark. Nedste parten, eller Nedstegarden som han vart kalla, gjekk til

*Petter Pettersen Tandstad* (f. 1883, d. 1925) g. 1919 m. Gurine Knutsdtr. Dalhus frå Norddal (f. 1894 d. 1962).

Br. 1913—1948.

Born: Petter f. 1920, tok over bruket. Ruth Solveig g. 1921 g.m. Ingvar Myrvåg. Sjø Indre Tandstad bnr. 4. Arne Jon f. 1924.

Petter Pettersen hadde vore i USA før han tok over Nedstegarden. Utvs. nr. 910. Mesteparten var urudd mark, og der var huslaust. Petter bygde løe i 1913. Materialet henta han på Skodje og førde han til Tandstad. I 1914 bygde han stovehus av murstein. Han la ned eit svært arbeid på det nye bruket, og braut m.a. opp heile bakken nedafor husa og heilt til sjøen. Der var mykje stein, og han køyrde fleire tusen hestelass stein ned til sjøen der han bygde vernemur, På bruket fødte dei 8 mjølkekyr, hest, ungdyr og sauer. Etter at Petter var død sat enkja Gurine Knutsdtr. med bruket i mange år til ho i 1948 gav over til sonen

*Petter Kåre Pettersen Tandstad* f. 1920.

Br. frå 1948.

Han bygde silokummar i løa, bordkledde henne opp att og stelte på fjøsane. Stovehuset pussa han opp i 1955 og moderniserte det. I 1950-åra fødte han hest, 5 mjølkekyr, n ok re ungdyr og 10 sauer. Han slutta med husdyrhald i 1956, og har no fabrikkarbeid.

STRANDHEIM bnr. 4.

Utskild frå Nedstegarden bnr. 2 i 1949 med skyld 0,02 mark.

*Ingvar S. Myrvåg* frå Herøy f. 1921, industriarbeidar, g. 1945 m. Ruth Solveig Pettersdtr. Tandstad 1 1921, bygde hus i 1951.

Born: Oddvar f. 1947. Steinar f. 1950. Ingunn f. 1956.

FRELM.Y bnr. 6.

Utskild frå Inste-Øggarden bnr. 1 i 1955 med skyld 0,01 mark.

*Bjarne Johansen Vedvik* frå Nord-Vågsøy f. 1925, maskinsnikkar, g. 1958 m. Ester Edvardsdtr. Tandstad frå Indre Tandstad bnr. 1 f. 1928, bygde hus i 1958.

Born: Eli Johanne f. 1949. Sindre Perry f. 1953. Bjarte Rune f. 1958. Gurid Irene f. 1960. Jo Eddy f. 1965.

## **Straumgjerde, gnr. 23.** [\(Til innhald\)](#)

Gardsnamnet Straumegjerde, eller Strømmegjerde som dei fleste skreiv for nokre år sidan, er ikkje serleg gamalt, og har knapt vore brukt før i matrikkelen frå 1666 då garden vart kalla Strømsgiere eller Ødegaard. Denne forma kom også att i matrikkelen for 1724, då som Strømsgiere eller Ødegaard. Seinare vart namneforma lite brukt før i slutten av 1700-åra då brukarane på garden byrja å nytte Strømmegiere som etternamn. Etter kvart slo dette namet gjennom som det eine rette også på sjølve garden, berre med små endringar i skrivemåten.

I slutten av 1600-åra og til langt fram i 1700-åra skreiv oppsitjarane seg kort og godt for Gjerde. Som namn på sjølve garden vart denne forna lite nytta, truleg fordi det var fleire gardar med dette namnet i Sykkylven. Men i ei liste over leidangskatten i 1654 slår Giere Og i ein dom frå 1660 vart garden kalla Hallsteinsgjerde etter brukaren Hallstein som sat der då. Namneforma Gjerde vart elles mykje nytta i dagleg tale om garden og har halde seg heilt fram til notida. Men namnet er no serleg knytt til den delen av Hallstein sitt bruk som sonen Sjur tok over. Sjå bnr. 1.

Det tredje namnet på garden, Ødegaard, som er nemnt i innleiinga, vart nytta meir i eldre tid enn både Straumgjerde og Gjerde. Landkommisjonen i 1661 skriv Strømme med Ødegaarden. Denne forma Strømme med Ødegården for Straume, med Straumgjerde går att i dei fleste matrikkelistene heilt fram til ca. 1800, men med nokre få unnatak som ein gjerne merker seg. I eit tiendemanntal frå 1706 står det Strømme og Ødegaard. I matrikkelen frå 1714 vart Straumgjerde kalla Strømme-Ødegaard med sine 2 brukarar ved sida av Strømme med sine 4. Til slutt var det skrivemåten frå eit manntal i 1742 der det heiter Strømme med Ødegaard og Giære.

Endå så mykje namneforma Ødegaard vart nytta i offisielle skriv, er det knapt nokon av oppsitjarane på garden Straumgjerde

som har brukt Ødegaard som etternamn, og det lever ingen i Straumgjerde no som kjenner til at garden i det heile har hatt namnet Ødegaard, eller Øggarden. Det einaste som minner om namnet Ødegaard, er ein liten nedlagt plass som til dagleg vart kalla Øggaplassen, eller like ofte Myre-plassen. Men for det første var denne plassen unna eit bruk på Straume (Larsgarden bnr. 3). For det andre er det mest sannsynleg at opphavet til namnet Øggaplassen på Straume er det same som til Øggaplassen på Utgård, nemleg Hoggen i Hjørundfjord. Sjå meir om dette under Straume, bnr. 3. Det er såleis noko av ei gåte at namnet Ødegaard i Straumgjerde har gått slik i gløymeboka.

Det har vore vanleg meining at garden Straumgjerde har hatt nær tilknytning til grannegarden Straume gnr. 24, og gjerne i si tid vorte utskild frå denne garden, kanskje opphavleg som eit gjerde av Straume. Etter tradisjonen i Straumgjerde var garden berre eit kalvegjerde i Straume si utmark frå først av. Namneforma Ødegaard gjer at ein ikkje kan seie noko visst om opphavet. Namnet Ødegaard kan tyde på at vi har med ein eldre gard å gjere som har lege øyde etter Svartedauden i 1349. Eller pesten kan ha snøya for folk eitt eller fleire bruk på Straume, og at det er på denne delen av Straume det etter kvart har kome nye brukbar ut gjennom 1600-åra. Staden fekk så namnet Giere, Hallsteinsgiere, Strømsgiere eller Øddegaard.

Garden grensa i vest til botnen av Sykkylvsfjorden og til nedre delen av elva (Straumen) som renn ut i fjorden. Elva lagar her ein brå sving mot vest før ho renn ut i fjorden, og i svingen dannar ho ein hyl (høl, kulp) som ber namnet Gjerdehylen. I sør grensar garden mot Straume, i aust mot utmarka og fjellet, og i nord mot Indre Tandstad. Straumgjerde ligg i hallinga opp frå fjorden og elva med slakke terrassar og beste bømarka nedst, og med meir steinut jord og brattare morene lenger oppe mot utmarka og Flærne og Svarthammaren ovafor. Frå dette terrenget som var om lag skogsnautt for godt og vel ein menneskealder sidan, men som no for det meste er attvakse med skog, har det ned gjennom tida losna stein som har ramla ned bergsida, somme berre kort, andre lenger.

Anne Olsdr. Emdal (Sjå Straumgjerde bnr. 25) fortel frå bestemora Anne Larsdr. Strømmegjerde sine opplevingar at ei haustnatt runde det så mykje stein frå Svarthammaren at Anne Larsdr. tok alle borna sine, 13 i talet, og gjekk ut i Teigen (bnr. 8)

med dei. Der kjende ho seg trygg. Så seint som ca. 1920 losna det ein stor stein oppe i Flærne, og kom kant i kant ned mot tunet i Øvste-Einane (bnr. 7) der han stogga ova løa. Hadde steinen gjort eit kast til, ville løa ha vorte krasa.

Straume og Straumgjerde ligg lagleg til ved enden av Sykkylvsfjorden med vegskil til Søre-Stranda og Velledalen. I 1900-åra har gardane utvikla seg til eit bygdesenter, som serleg har utvikla seg raskt etter at industrireiseinga tok til i slutten på 1930-åra. Men kimen til utviklinga vart lagd alt i 1890-åra då rutebåtane tok til å gå inn til enden av fjorden, og staden fekk rikstelefonstasjon og postopneri. Strømmegjerde postopneri med namne-endring frå 1921 til Straumgjerde postopneri vart oppretta 1. juli 1899 med Lars J. Drabløs i Eilevgarden som postopnar. Folk frå postopneriet i Karigarden på Velle gjekk i den tida og bar posten frå Aure til Velle, der Jens P. Velle i Toregarden tok over beringa til Drotninghaug. I 1909 byrja motorbåten «Aure» rute på Straumgjerde. Det var den første motorbåten i landet som var spesialbygd for rutegående trafikk. Han tok også posten til og frå Straumgjerde. Dei som bar posten frå Aure slapp då å gå lenger enn hit. Lars Drabløs hadde postopneri til 1933 då Oluf Strømmegjerde i Gjerde bnr. 1 tok over. Han hadde frå før rikstelefonstasjonen som far hans, Ole J. Strømmegjerde hadde hatt frå stasjonen kom til Straumgjerde i 1908. Oluf Strømmegjerde hadde postopneriet og rikstelefonstasjonen til 1945 då Per Langeland på Straume tok over. Den 8. mai 1969 vart rikstelefonstasjonen rasjonalisert bort, og tenesta lagd inn under rikstelefonstasjonen på Aure (Sykkylven). Postopneriet har Per Langeland framleis, men frå november 1973 har det endra namn til «underpost kontor» og postopnaren har vorte «poststyrar».

Straumgjerde fekk kai i 1903 — 1904. Det var mest folk frå Velledalen som stod bak dette tiltaket, og laget som stod føre arbeidet, bar også namnet Velledalens kaiselskap. Kaia vart bygd etappevis og for det meste gjennom pliktarbeid frå dei som var med i laget. Før kaia kom til, var det flyttmenn med færingar som lossa og lasta båtane som kom inn fjorden. Flyttbåtane la til ved Storevoren i nedre delen av elva (Straumen) som munnar ut i fjorden. Det var i 1890-åra dei første rutebåtane tok til å gå inn til Straumgjerde. Til å byrje med var det fjordabåten på veg til Geiranger som vitja Straumgjerde ein gong for veka. Frå 1909 tok motorbåten «Aure» til å gå. Og snart fekk Straumgjerde



dagrute. Råten gjekk kvar yrkedag kl. 7 frå Straumgjerde og hadde stoppeplassane Erstad, Blindheim. Ikornnes, Aure og Tusvik før han gjekk til Ålesund. Om ettermiddagen returnerte han frå Ålesund kl. 16 om vintrane og kl. 17 om somrane. Sykkylven var den fyrste bygda som hadde dagrute til Ålesund, og det var eit gode for både bønder og byfolk. Om somrane var det såleis svært lett for byfolk til å kome seg «på landet» på ferie, og Sykkylven vart «landliggjarkommune» fram om andre bygder i åra som fylgde. Rutebåtane til Straumgjerde gjekk trufast sommar som vinter, så sant isen ikkje la seg for tjukk. Då vart motorbåten «Framsteg» (mest kalla «Kaulå») tilkalla, og han la seg frampå og knekte ned isen og laga råk. Men det hende at også «Kaulå» måtte gi tapt, og då gjekk båten anten til Øggardsvika eller folk kørde varene dei skulle sende, til Aure.

I siste halvdel av 1930-åra tok bilrutene opp tevlinga om passasjerar og varer, og rutebåtferdsla til Straumgjerde minka. Dagrute vart det slutt med, men nye lastebåtruter på kysten kom inn, og framleis er det stor varetransport over kaia som har spela ei viktig rolle for arbeids- og næringslivet i denne delen av bygda i 70 år.

Det første skulehuset i Tandstad krins vart bygt i Straumgjerde i 1892 ved den gamle bygdevegen eit kort stykke nord for gamletunet i Gjerde. Gyls-Jakob var byggleiar for huset som var i bruk til 1956 då det vart vigsla nytt skulehus ved riksvegen nærare bytet mot Straume. K. P. Tandstad var formann i byggenemnda for den nye skulen, og Arne Flåte stod føre bygginga. Eit større tilbygg til skulen kom opp i 1970.

Den gamle bygdevegen over Straumgjerde gjekk opp ei bratt braut frå nordre enden av Fitjavatnet, over Larsbruket ovafor den noverande riksvegen, og ned att bakken mot gamletunet i Gjerdet. Vidare gjekk vegen opp nye bakkar til flata og bytet mot Indre Tandstad, og heldt fram om lag i denne høgda heilt til Ytre Tandstad der vegen gjekk mest heilt ned til sjøen. Denne gamle vegen var lenge lite påakta, men nybygginga i Straumgjerde og Straume i seinare år har ført til meir ferdsle og betre stell. På fleire stader er vegen omlagd etter som nybygginga og tilhøva krev det. Den nye riksvegen som vart bygd i slutten av 1800-åra kom nærare sjøen og er heilt flat. Denne vegen vart utbetra i slutten av 1950-åra og fekk vegdekke av asfalt først i 1960-åra.

I første halvdel av 1600-åra var det berre eitt bruk i Straumgjerde. I 1660-åra vart bruket delt, og seinare var det to bruk til 1895 då bnr. 1 vart delt, og det vart tre gardsbruk. Sist på 1700-talet var det også to plassar i Straumgjerde, både den gongen under bnr.1. Det var Gylet bnr. 4 og Steinteigen bnr. 1, (Rabben, Andersplassen). I samband med hovudmatrikelkommisjonen sitt arbeid i 1837 vart det rådd til at dei to plassane framleis burde bli liggjande under garden. Men etter matrikkelen i 1838 har Gylet bnr. 4 stått som skyldsett bruk, med gårdsnummer og løpenummer. Seinare vart det fråskylddelt fleire plassar i Straumgjerde, og i seinare tid stendig fleire og fleire tomter etter kvart som industrien har utvikla seg og busetnaden har auka. I 1974 kan ein kalla Straumgjerde og Straume for eit bygdesenter i rask vokster. I 1845 var det jordskifte over innmarka i Straumgjerde. Skiftet var frivillig. Det som er skrive om jordskiftet, gir få opplysningar om korleis tilhøvet har vore før på garden mellom dei to bruka. I 1845 vart det gått opp to byleliner frå bøgarden til sjøen. Eilevbruket får sitt bruk i to stykke, det eine sør til bytet mot Straume, det andre ut mot bytet til Tandstad Indre. I mellom desse to stykka kom bruket Gjerde, bnr. 1, og dessutan plassen Gylet som ikkje fekk sine byte endra. Etter den tid har det ikkje vore jordskifte i Straumgjerde.

Det var steinet mark i Straumgjerde, men garden var årviss til korn, heiter det i matrikkelen frå 1724. I ei jordbruksmelding frå 1802 står det at garden «giver ofte grønt og til dels umodent korn». Matrikelkommisjonen frå 1864 skriv at «ågeren lider undertiden af vindbrud». Dei største gamleåkrane låg nedafor riksvegen. Gjerde bnr. 1 hadde Storevollen inn mot Eilevbytet. Nylendå grensa nord til Strømmebytet bnr. 9. Lenger nede var det åker frå byte til byte: Insteforskotet og Ysteforskotet. Ovafor vegen var det også åkrar, t.d. Storgylsletta innafor det gamle skulehuset, og Geilhaugen som låg inn mot geila som gjekk frå gamletunet og opp til Nygjerde og utmarksgarden. Ovafor Gjerdeløa låg åkeren Hola.

Strømmebruket bnr. 9, som i røynda var fråskylddelt Gjerde bnr. 1 i 1895, hadde også største åkrane nedafor vegen, og nedover mot det nye bedehuset. Dei brukte å kalle desse åkrane Reitane, «ned på Reita». Elles hadde dei også åkrar ova vegen. Eilevbruket hadde ein svær åker frå yngre tid der Einar Lade har tomte og huset sitt. Det var Lars Drabløs som braut åkeren, men

staden ber namnet Reitane, og det skulle tyde på at det har vore åkerland her også tidlegare. Før Lars Drabløs braut opp jorda her, var Reitane ein mykje nytta leikeplass for borna i grenda. Då dei tok til å høgtide 17. mai, var det på Reitane folk samlast. Ei tid bytte dei på med tilskipinga, slik at eine året heldt dei 17. maifesten i Velledalen, neste år var det i Straumgjerde.

Gjerde, bnr. 1 og 9, og Eilevbruket hadde kvar sitt truskevatn. Gjerdebruka bægde grova frå Storegylet i veite ned i rette Gjerdegrova, og vasshjulet stod tett ova løa. Eilevbruket nytta Eilevgrova lenger inne. Der laga Lars Drabløs turbin, og hadde snor heim i løa, der truskemaskinen stod. Maskinane i Straumgjerde gjekk villeg nok, berre vatnet strakk til. Truskinga stod på 2 — 3 dagar, og så fylgde dryftinga. Til det brukte dei i eldre tid, og av og til fram i byrjinga av 1900-åra, ein handreiskap som dei kalla dryfting. Det var eit grunt trog av tre med rund botn og endeslykke. Midtpartiet av botnen var laga av blekk som hadde rad på rad med små runde hol, ca. 2 mm i diameter. I endestykka var det gripehol for fingrane. Når truskinga var over, auste dei «drusen», den samfengde massen av korn, agner, ugrasfrø, halmstubb, moldklumpar og ein og annan muselorten kanskje, opp i dryftingen i høvelege porsjonar. Så greip mannen med ei hand i kvart endestykke av dryftingen, og «dryfte» kornet, hyfsa det opp og ned i rytmiske kast på ein slik måte at innhaldet kom i ein luftig rundgang om sin eigen akse. Dermed reiste dei små og tunge ugrasfrøa ned gjennom hola i dryftingbotnen. Dei lette agnene og storparten av halmstråa vart halvt hangande i lufta og skyssa over dryftekanten av lufttrykket frå neste hiv. Med visse mellomrom tok dryftaren ein kvilepause som han nytta til å plukke bort med fingrane restane av halmstråa som låg att, og evt. små moldklumpar der tyngdekrafta naturleg hadde plassert dei, nemleg opp på kornet. Det var fysikk i praksis. Litt ut i 1900-åra kom etter kvart dei moderne dryftemaskinane som folk drog med hand. Men Anne Emdal f. Strømmegjerde kan godt minnest at barnehendene kom vel med også i dette arbeidet, for det hende ikkje sjeldan at det fylgde både ein halmstubb og ein moldklump med kornet or maskinen. Då var borna dei nipraste med fingeren for å halde kornet fint og reint til det skulle tørkast og malast.

Kvernhusa har både Straumgjerde og Straume hatt ved Straumsheimelva på Straumsheim. Straume og Straumgjerde har her hevda ein gamal rett i denne elva, og denne retten gjorde opp-

sitjarane Salmund Strømme, Lars Larssen Strømme, Ole Pedersen Strømme og korporal Ole Rasmussen Gjerde seg til talsmenn for alt i 1776 då gardeigaren Jørgen Paulsen Abelset stemnde dei for retten i Honningdal fordi dei ikkje frivilleg ville betale grunnleige for kvernhusa dei hadde ståande på Straumsheim. Dei frammøtte oppsitjarane sa at korkje dei eller dei som hadde hatt bruka før, nokosinne hadde vorte kravde for grunnleige for kvernhusa, og saka vart utsett. Året etter, i 1777, kom saka opp att på sommartinget i Honningdal. Jørgen Abelset saksøkte då serleg korporal Ole Rasmussen Gjerde for grunnleige av eit kvernhus frå 1775. Kvernhuset stod «på Strømsnes». Ole Rasmussen kravde dom i saka, og hevda at grunnleige hadde aldri vore betalt for kvernleige «i den tid «Strømsem Giære» (må vel vere Strømsgjære) har været bebygget». Det vart lagt fram eit brev datert 6/6 1761 frå avlidne Christopher Abelset som synte at «Lars Larssen Strømme som den tid var Berthe Brandals landbonde, der nu er gift med Hans Løgh på Walderhaug, måtte blive tilladt som forhen, at faae sitt kvernhus på Strømsems gaards grund, i mod den forhen givne skaug av Strøms mark.»

Saka vart utsett, og sidan bar ikkje justisprotokollen noko meir å fortelje om henne. Men kvernhusa har stått der og gjort si teneste til fram i 1900-åra då mylna på Aure kom i drift.

«Den forhen givne skaug av Strøms mark» er det ingen lenger som veit noko om, korkje på Straumgjerde, Straume eller Straumsheim. Men etter tradisjonen har Straumsheim hatt ein gamal beiterett i Straumsdalen, og det skal finnast synlege restar etter seltufter på ein haug under Hammarsettindane. Her hadde Straumsheim bufeet sitt ei viss tid i «gamle dagar».

Straumgjerde har hatt lite eller inkje småhøyslått. Det einaste var at dei som sat med minste bruka, krafsa og slo litt i utmarka i eldre tid. Gylet bnr. 4 slo i Flærne og firte høyet ned på løypestreng, og i Teigen bnr. 8 slo han Severin og ho Karen botevis på Svarthammaren. Derifra sende dei høyet til gards i meis. Elles var det somme som slo stølsstykkane sine på Hindaholen. Derimot var det årvisst å hogge lauv til dyra. 2 — 3 dagar gjekk med til dette arbeidet kvar vår, og då var både borna og dei vaksne med. Kvart bruk hadde mange hundre kjørv.

I bergsida aust for heimebøen har Straumgjerde utmarka si med heimehamn for buskapen, og skogteigar. Hamna var god og «tilstrekkelig men ubekvemt beliggende», skriv matrikelkommi-

sjonen frå 1864. Folket på garden derimot hevdar at heimehamna var ring og lita. Ikkje før hadde dei slept ut buskapen, så «strøpte» han opp i setremarka i Straumsdalen der garden hadde setrane Hindaholen og Langeneset saman med dei tre Tandstad-gardane og Straume. Før dei flytte på setra for godt, måtte dei hente heim dyra kvar kveld. Det var difor grovt for både folk og fe når setretida kom. Men etter tradisjonen var «dei fastbuande» på setra lite glade over freden som vart skipla når setrejentene og annan ungdom kom til støls og kanskje sjaua litt i ledige stunder. Huldra var såleis mellom dei som ikkje likte å bli uroa, og som sette serleg pris på dei stillfarande. Ho lønte setrejentene på mange måtar for det. Såleis var det med ei jente frå Gjerde-bruket, fortel Anne Emdal. Denne jenta var serleg still av seg, og ein morgon ho vakna, låg det ein vakker sylvknapp på selbordet. Og alle sa at dette var ei gåve frå huldra som slik takka for husfreden, seier fru Emdal med ein smil.

Straumgjerde har hatt skogteigar i heimeutmarka og i setremarka. Garden har hatt skog til brennefang, men lite eller inkje til sal. Bruka har hatt kvar sine teigar, så eit byte av skogen har det no vore ein gong i tida, sjølv om det ikkje er nokon på garden som veit om jordskifte av heimeutmarka. Ca. 1914 vart det byrja med skogplanting i denne bergsida, og dette arbeidet har halde fram også i seinare år. Skogen i Straumsdalen vart skift i 1904.

Gamletunet i Straumgjerde med sine to stovehus og to løer hadde som eit midtpunkt om lag der Gjerdeløa no står. Den gamle Gjerdestova på bnr. 1 stod mellom det noverande stovehuset og stabburet. Eilevstova stod eit lite stykke lenger oppe i bakken søraust for Gjerdestova. Eilevløa stod fram til ca. 1930-åra eit stykke lenger sør, men er truleg blitt flytt dit i seinare år, mest truleg etter jordskiftet i 1845.

Næringsgrunnlaget i Straumgjerde var i eldre tid åkerbruk og feal, slik det var på dei fleste andre gardar i Sykkylven. Garden vart rekna som lettbrukt ned gjennom tida, og matrikkelkommisjonen i 1866 skriv også at Straumgjerde har «meget god anledning til forbedring», når det gjeld spørsmålet om udyrka jord som kan vere skikka til dyrking, og det var «meget» lett å nå i veg og sjø for transport. At garden låg så lagleg til ved sjøen gjorde det mest sjølvsagt at fisket spela ei viktig rolle for levemåten i eldre tid og til langt opp i notida. Det var «bekvem an-

ledning til fiskeri» skriv matrikkelkommisjonen i 1866. Brukarane hadde naust, også dei fleste plassemennene. Fjorden var rik på fisk. Det hende at det vart gjort storvarp med not. Såleis vart det gjort eit storvarp etter sild på Bytningsvika i 1887, og det vart ein merkedag for grenda og heile Velledalen ovafor. Det kom nemleg ikkje mindre enn to fiskedampskip, «Terje Vigen» og «Activ» frå Ålesund for å laste sild, og dette var dei første dampskipa som i det heile hadde vore innom Revet i Sykkylvs-fjorden. Seinare då det vart ein dragkamp for å få større rutegåande båtar til å gå inn til Straumgjerde og selskapa eva seg med å gå inn til Straumgjerde fordi dei meinte det var for grunt over Revet, kunne oppsitjarane i Straumgjerde og Velledalen syne til hendinga i 1887 då «Terje Vigen» og «Activ» hadde kome skadeslause både inn og ut fjorden.

Ved sida av fisket i fjorden, «heimefisket», var det vanleg at alle karfolk dreiv vinterfiskja. Dei stasjonerte anten på Alnes eller på Ytreland dei fleste. Først på 1900-talet kosta Ole Jenssen Strømmegjerde (på bnr. 1) båt saman med Jens Tandstad. Båten heitte «Olaf», og dei var heilt til Finnmark med denne motorbåten som dei selde i 1912. Seinare kjøpte også Lars J. Drabløs i Eilevgarden ein båt. Lars Drabløs kjøpte fisk og sild som han salta og selde. Han hadde sjøbud på Bukkeholmen ved Langevåg.

I åra etter 1900 har Straumgjerde meir og meir vorte ein industristad og eit handelssentrum. Sjå meir under Brukarar.

#### MATRIKKELGARDANE STRAUME OG STRAUMGJERDE.

Straume og Straumgjerde vart i matrikkellistene i eldre tid stort sett rekna som ein gard fram til 1660-åra, men det er tydeleg at det har vore ei skylddeling før. Også etter 1660-åra vart Straume og Straumgjerde ofte rekna som ein matrikkelgard med namnet Strømme med Ødegård og slik finn ein det heilt fram til 1830-åra då Straume og Straumgjerde får kvar sine matrikelnummer. Straume skatta som «halvgard» i 1600-åra, og skylda har variert mykje. Ho var på 3 våger fiskeleige i 1626, og Straumgjerde eller Ødegård som det heitte, var nok då ikkje rekna med. I 1644 var skylda 4 våger fiskeleige som svarar til dei 2 laupar smørleige som Hallstein Gjerde i Straumgjerde i 1648 selde til borgundpresten Hierman. No er det tydeleg at Straumgjerde er rekna

med. Landkommisjonen i 1661 sette skylda for Strømme med Ødegården til 3½ våg 18 mrk. fiskeleige, men ved den nye skyldsettinga i 1666 vart Straume og Straumgjerde skyldsette kvar for seg, samstundes med at vi får vite kva skyld dei to gardene har hatt til no. «Strømsgiere eller Øddegaard» har hatt ½ våg 18 mrk. Skrivaren har først ført opp at dette er fiskeleige, men så har han radert fiskeleige og ført opp smørleige i staden. Den nye skylda vart ½ laup 9 mrk. smørleige. Straume fekk si skyld endra frå 3 våger fiskeleige til 2 laupar smørleige, og skylda auka såleis mykje. Rekna i fiskeleige vart det 1 våg 18 mrk. på Straumgjerde og 4 våger på Straume, til 5 våger 18 mrk. Straume og Straumgjerde fekk såleis smørskyld, men i åra som fylgde skatta dei av fiskeleige. Etter ordre frå rentekammeret vart det i 1734 kalla inn til eit ekstrating på Langlo for å finne ut om Straume og Straumgjerde og dei andre gardane som stod med smørskyld, svara landskyld av smørtakst eller 2 våger fisk av 1 laup smør. Jens Olsen Abelse som åtte Straume og Straumgjerde møtte fram og synte heimelspapira sine, sameleis alle bygslarane med bygselbreva og landskyldbøkene sine. Alle sa at landskylda var betalt i fisk. Frå denne tid er det berre tale om fiskeleige for Straume og Straumgjerde.

Den samla skylda for Straume og Straumgjerde heldt seg uendra på 5 våger 18 mrk. fiskeleige i tida framover. Men alt først på 1700-talet ser det ut til at Straumgjerde har fått tillagt skyld frå Straume, slik at Straume si skyld minka til 3 våger 2 pd. 6 mrk. og Straumgjerde si skyld har auka til 1 våg 1 pd. 12 mrk. Ved den nye skyldsettinga i 1838 fekk Straumgjerde 4 dlr. 2 ort 23 skl. som i 1890 vart revidert til 9,25 skyldmark. Straume fekk 8 dlr. 2 ort 12 skl., revidert 1890 til 13,94 skyldmark.

Straume la 6 kalvskinn i leidang i 1606, 1 geitskinn og 2 kalvskinn i 1609, seinare 6 kalvskinn att til 1666 då leidangen vart sett til 1 geitskinn 3 kalvskinn. I 1717 var denne skatten 1 rdl.

Straumgjerde la 1 kalvskinn i 1640-åra og framover til 1666 då leidangen auka til 3 kalvskinn. I 1717 betalte Straumgjerde 2 mark 4 skl.

Tienda: Straume betalte 5 t. havre, 1 mæle bygg og 2 pd. 8 mrk. ost i 1666. I 1717 var tienda 4 t. havre, 4 skp. bygg og 2 pd. ost. Straumgjerde la 1 t. 1 mæle havre og 14 mrk. ost i tiende i 1666. I 1717 2 t. havre, 3 skp. bygg og 16 mrk. ost.

## EIGARAR.

Først på 1500-talet var det ein Jens Findson som åtte Straume. I fylgje eit vedlegg til Aslak Bolts jordebok selde han garden til Erik Walckendorf, erkebisp i Nidaros 1510 — 1522. Gardane kom dermed i erkebispestolen si eige, og vart bortbygsla for ei årsleige på 4 øyrar. Straume vert ikkje nemnt i Olav Engelbrektson si jordebok frå ca. 1530, og det er mogleg at erkebisen har selt, eller makeskift garden med anna jordegods. Nokre år seinare er det ei Gyri Jonsdotter g.m. ein Mikkel som åtte Straume. Ca. 1550 gav Gyri Jonsdtr. «i sine børns nærverelse i Bergen» garden Straume og dessutan garden Ramstad til dottersonen Torkjell Sjursen «til Guds ords forfremmelse, at han skal holde sig derav til skole». Dette vart stadfest i eit tingsvitnemål som enkja etter Torkjell, Berette Jakobsdtr., fekk skrive i Sykkylven 4. juli 1577.

«Jeg Peder Oluffssen paa Rixem paa Sundmør i Nørloten Olle Pederssen lensmand ibrn Jørgen pedersen paa Rixemb, Lauridtz Erichsenn paa Strømsem pouel ibm, Anders ibm, Helge paa Strømme, Olle ibm, Kicndis vij for alle med dette wortt obne breff, i flerre Darinemendtzs Nerucrelse, Aft hustrue Berrette her Thorckels eptterleuersche i Hemne, attspouorde pederolsenn paa Rixem och dannemund flerre, om her Thorckels goede moder (go' mor, d.v.s. bestemor. Merkn. av bokskrivaren) Hustrue Gury Jo-ensdatter wed naffn, Om hand haffde hørt om de thoe Jorder, Strøme och Ramstad Huem sallig hustru Gyrj haffde Dennom vnt och gifftied. Daa till soarede Peder Olsen Att hustru Gyri i sinn Børns Neruerelse i Bergenn, Med goed Willie och alle Sinne Burns Samtycke gaff hun sinn kierre datters barn, Thnrckell Si-uorsøn wed naffn, forsch<sup>ne</sup> thoe gaarrder Thill Gudtz ords forfremmelse, at hand schal holde sig deraff till scholle ach ichc nogen Anden Aff Thorckels sødschinde, huerckenn Euen Siur-sen, Guldbrand Siursen eller giertrud Siursdatter, Men forschrne Tnorckel Siursenn, Anne Michelsdatters Sønn att Nyde och att beholde till Euindelig, och wille ieg baade berge och suerge, baade paa Siell och sandigen om der ydermere behoff giørris med flerre dannemenddtz proff och winde, Att såa i Sandhcd chr som forstander, da Laad wij forsch<sup>ne</sup> wor Indsegler och merche, Neden



paa dette wnr̃t obne breff, giffuid i Syckieffuel den 4 Dag Jully Aar 1577  
— — — — —.

— — Att dette ehr eht Riictig copie Aff hoffuid breffuid Be-  
kiender vvij Underschreffne Saa sannt os gud,

*Adrian Raackertsønn.*  
Egen håndz

*Knut...Pedersen.*  
Egen håndz

(På fjerde side: lest paa Abildsetter thil it Almindclig Schatte och  
Leedings Thing den 26 juli anno 1658 (I odelssak om Ny-  
sætra)

Det må vere grunn til å tru at ynskjemålet til Gyri Jonsdtr. gjekk i oppfylling. Torkjell Sjursen vart prest, og han fekk kall i Hemne som ligg i Sør-Trøndelag, men som den tida høyrde til Nordmøre. Torkjell og Berette hadde sonen Sjur Torkjellson på Helgebostad, Hitra. Han ervde truleg både Straume og Ramstad og mykje anna jordegods. Sjur hadde mange born. Vi kjenner namna på døtrene Adelus, Lisbet og Bergitte som alle ervde mykje jordegods. Dessutan dukkar det opp to nye personar i tilknytning til denne arven og ætta. Det er handelsborgar Lage Jenssen som seinare slo seg ned på Riksheim. Mykje talar for at han var gift med ei anna av desse Sjurs-døtrene som vi ikkje kjenner namnet på. Lage åtte fleire gardar i Sykkylven og andre bygder og var ein rik mann. Vidare kjem det inn i ætta ei kvinne som heitte Lisbet Steinsdotter. Ho var først gift med ein Rasmus som etter arven å døme også var son til Sjur Torkjellson på Helgebostad. Ho skatta i 1629/30 av 16 mællag jordegods som ho åtte, og ho var såleis velståande. Straume med Straumgjerde var mellom jordegodset som Lisbet hadde fått hand om. Som enkje gifte ho seg att med Hallstein Olsen Gjerde og flytte til Straumgjerde ca. 1630 og busette seg der. Hallstein Olsen selde i 1648 eiegenomen Straume med Straumgjerde til borgundpresten Christopher Pedersen Hierman. I 1661 åtte Christopher Hierman framleis storparten av Straume med Straumgjerde (3½ våg), men no vert det nemnt at Sykkylven kyrkje også åtte ein part på 1 mællag, som vi seinare skal kome attende til. Ca. 1670 selde Christopher Hierman eiegenomen sin i Straume til Lars Olsen Abelset g.m.

Margrete Lagesdr. Riksheim. Sonen Ole Larssen Abelset ervde dette jordegodset, men i 1706 ser det ut til at sorenskrivar Henning Tygesen Castberg fekk kjøpe 1 våg 2 pd. 6 mrk. I skiftet etter Castberg si enkje Birgitte Møller i 1766 gjekk denne delen ved arv over til Johan Arnoldus Heyde g. m. Thycane Catnania Castberg. Det må vere same parten som i 1774 var komen over til presten Ebbe Carsten Tønder, og som utgjorde Sølmonbruket bnr. 1 og Fausabruket bnr. 4. Sjå meir under Brukarar.

Den største luten av Straume med Straumgjerde gjekk i arv frå Ole Larssen Abelset til sonen Mads Olsen Abelset som var kjøpmann på Larsnes. Råderetten over bygselen fylgde denne parten. Mads døydde i 1719, og bror hans, Jens Olsen Abelset, fekk parten. I skiftet etter han i 1754 vart denne eigedommen visstnok delt slik at broren Christopher Abelset fekk utlagt 2 våger 1 pd. 3 mrk., og denne delen gjekk vidare til sonen Christen Møller Abelset. Resten av Jens Olsen Abelset sin part, 1 våg, gjekk til brorsonen Jørgen Paulsen Abelset, og frå han til Hans Løgn som i 1779 selde til Ole Rasmussen Gjerde. Sjå Straumgjerde bnr. 1. Christen Møller Abelset døydde i 1799, og enkja Bergitte selde etter kvart ut det ho åtte i Straume og Straumgjerde. Eilevbruket i Straumgjerde (bnr. 2) selde ho i 1800 til Eilev Hanssen Strømmegjerde. Larsbruket bnr. 3 på Straume selde ho i 1807 til Jon Larssen Strømme. Jobruket bnr. 2 vart selt på auksjon i 1804 til presten Nicoll, og sonen T. B. Nicoll selde bruket til Lars Larssen Strømme i 1818. Sjå meir under Brukarar.

Som nemnt stod Sykkylven kyrkje som eigar av 1 mællag i Straume og Straumgjerde i 1661. Kyrkja vart skriven for dette mællaget til 1710. Då stemnde sorenskrivar Henning Castberg som var verje for kyrkja, oppsitjarane Steinar Rasmussen og Sjur Hallsteinsen i Straumgjerde for landskyldrettar av dette mællaget i Straume med øydegard. Castberg hadde betalt landskyld for dette mællaget til kyrkja i 23 år utan å få godtgjersle av oppsitjarane. Steinar og Sjur møtte fram på tinget og sa at ikkje hadde dei betalt noko, og heller ikkje åtte kyrkja noko i denne garden. Gamle menn og ålmugen stadfeste dette. Seinare har ikkje kyrkja vorte skriven som eigar av dette mællaget.

## BRUKARAR.

Som nemnt var Straume med Straumgjerde rekna som ein gard i eldre tid, og det er uvisst kor mange bruk det var i Straumgjerde først på 1600-talet. Det kan nærast sjå ut til at garden har lege øyde i lang tid og at det var nett i denne tida folk tok til å flytte attende.

I 1610 sat der i Gjerde ein brukar som heitte

*Peder Gjerde*. Han skatta som husmann fram til ca. 1630. Ved denne tid kom det ein ny mann til Straume. Det var

*Hallstein Olsen Strømme* som seinare brukte etternamnet Gjerde. Han var visstnok frå Søvik i Borgund og vart gift med den rike enkja Lisbet Steinsdtr. Ho hadde tidlegare vore gift med ein Rasmus. Han var truleg son til Sjur Torkjellson på Helgebostad. Sjå under Eigarar. Lisbet hadde alt i 1629 ervt 16 mællag jordegods som Sjur må ha fått etter oldemor si, Gyri Jonsdtr. ca. 1550. Straume med Straumgjerde var av det jordegods Lisbet hadde ervt, og såleis vart Hallstein Olsen eigar av heile Straume med Straumgjerde, og han sat som brukar frå ca. 1630 til ca. 1664. I 1658 skatta han av 1 hest, 10 kyr, 4 geiter og 6 sauer. Han har såleis hatt eit nokså stort bruk. Dersom dette har vore eit bruk på Straume, er det noko av ei gåte kva bruk det kunne ha vore. Mest truleg er det at han har vore i Straumgjerde heile brukstida si, noko ein vil sjå av det som hende seinare.

I 1648 selde Hallstein heile Straume med Straumgjerde, 2 laupar smørleige, til borgundpresten Christopher Pedersen Hierman. Pengane stakk Hallstein i si eiga lomme, og garden vart ikkje løyst inn att. Dei siste åra Hallstein sat med bruket, fekk han ufred med dei to stykborna sine, Mikkel og Steinar Rasmussøner. (Straume bnr. 2 og Straumgjerde bnr. 2) I 1661 tok dei i bruk ein åker på garden til Hallstein Olsen Strømme, «eller Hallstein-Gjerde som han kaldis», og som stemnde dei for retten for dette. Mikkel og Steinar sa at dei hadde løyve av stykfar sin til å bruke åkeren, men Hallstein nekta det, og la fram i retten ein vel forseglad 6-mannsdømme datert Hallsteinsgjerde 19. juli 1660. Her heiter det til slutt at Hallstein skal «njude ok beholde til bruks ok åsæde bemeldte ødegaard Hallsteinsgjerde hans lifstid udi hans fulde vurdering efter loven». Hallstein vann saka, og Steinar vart dømd til å gi frå seg det han hadde avla på åkeren, og dessutan bøte med 4 mark sylv til Kongen. Her får vi altså stadfest at Gjerde, eller her kalla Hallsteinsgjerde, er ein øydegard, og

det er ikkje noko som tyder på at det er nyleg Hallstein kom til Hallsteinsgjerde.

Etter 1648 sat Hallstein som bygselmann av bruket sitt til han først i 1660-åra flytte frå garden saman med sonen Rasmus. Ættegranskaren Nils Stene meiner dei slo seg ned i Søvik i Borgund. Son til Hallstein, Sjur, tok over største delen av bruket (sjå bnr. 1), og styksonen Steinar bygsla resten. Sjå bnr. 2.

#### GJERDE bnr. 1.

Då Hallstein Olsen Gjerde flytte frå Straumgjerde eller Hallsteingjerde som det vart kalla den tida, let han over største luten av bruket til sonen *Sjur Hallsteinsen Gjerde* (f. ca. 1640, d. 1725).

Br. ca. 1664—1714.

Han skatta av 2 mællag i 1666, og 4 mællag i 1705. Namnet på kona hans er ikkje kjent. I 1711 hadde han to tenarar på bruket sitt, ein dreng med årsløn 1 rdl., og «en liden tøs» med årsløn 3 ort.

Etter Sjur kom versonen

*Knut Olsen Stave* (f. ca. 1691, d. 1726) g. m. Johanne Sjursdtr. Gjerde (f. ca. 1670, d. 1727). Bygselsetel i 1714 på 1 våg frå Christopher Abelset. Det er mogleg at Johanne har vore gift ein gong før med ein Rasmus Larssen som fekk bygselsetel på 3 mællag i Straumgjerde i 1705 frå Ole Larssen Abelset. Men ein høyrer ikkje noko meir om Rasmus som evt. må ha gått bort kort etter at han var gift. Skiftebuet etter Knut Olsen hadde ei brutto eige på 76 rdl., og ein gjeld på 31 rdl.

Etter Knut kom

*Ole Hanssen Stave* (f. ca. 1670, d. 1739) g. 1. m. Sylvei Sjursdtr. Gjerde (f. ca. 1684, d. 1728) g.2. 1729 m. enkje Marte Olsdtr. Myrset (f. ca. 1667, d. 1751).

Br. 1726—1739.

Bygselsetel i 1726 frå Jens Abelset på 4 mællag,

Garden gjekk så over til

*Rasmus Olsen Gjerde* (f. ca. 1714, d. 1772) g. 1741 m. Berte Olsdtr. Straumsheim (f. ca. 1715, d. 1793). Bygselsetel i 1739 på 1 våg frå Jens Abelset. I 1760 skaut Rasmus ein bjørn i utmarka på garden. Skiftebuet etter Rasmus i 1772 synte ei br. eige på 118 rdl. og ein gjeld på 90 rdl.

#### Sonen

*Ole Rasmussen Gjerde* (f. 1749, d. 1829) g. 1774 m. Signi Jakobsdtr. Stave (f. 1751, d. 1774), gift att 1776 m. Ingeborg Jonsdtr. Moldværmyren (f. ca. 1757, d. 1823).

Br. 1773—1798,

Ole var korporal då han gifte seg, seinare vart han sersjant. Byggselbrev på 1 våg i 1773 frå Hans Løgh. I 1779 kjøpte Ole Rasmussen denne garden på 1 våg fiskel. av Hans Løgn for 98 rdl. Skiftebuet eller Ingeborg Jonsdtr. i 1823 synte ei brutto eige på 854 spd. og ein gjeld på 77 spd. Sonen

*Jens Rasmus Olsen Strømmegjerde* (f. 1780, d. 1835) g. 1812 m. Gjertrud Jakobsdtr. Strømsem (f. 1794, d. 1839).

Br. 1798—1837.

Han fekk skøyte på garden frå far sin i 1798 for 98 rdl. Truleg har han drive bruket saman med foreldra i åra utetter, for kårbrevet deira vart først skrive i 1822. I 1802 fødde dei på bruket 1 hest, 11 storfe og 18 småfe. Same året vart garden som var på 1 våg fiskeleige, verdsett til 180 rdl. Jens Rasmus Olsen var lagrettemann, taktsmann og forlikskommissær. Han skreiv med eiga hand. Då Romsdals Amts Landhusholdningsselskab vart skipa i 1831, teikna Jens Rasmus seg som medlem og la årleg 1 rdl. i kontingent. Ved sida av arbeidet med garden dreiv han handel med bondevarer. Han åtte jakt og gjorde handelsferder både nordetter til Trondheim og sør etter til Bergen. Dessutan dreiv han fiske, og åtte m.a. halvparten i ei sildenot. Jens Rasmus Olsen var velståande. Omframt bruket i Straumgjerde åtte han også fleire andre gardar, såleis bruk på Straumsheim, Haugset, Tjønes, Gudmundset, Vestre, og eit par plassar i Giskegjerde. Skiftebuet etter han i 1836 synte ei netto eige på 3.410 spd. som enkja og dei 4 borna deira ervde.

Enkja Gjertrud Jakobsdtr. gifte seg att i 1837 med

*Martinus Gulliksen Tjønes* frå Guleikgarden (f. 1810, d. på Velle 1890).

Br. 1837—1841.

Gjertrud fekk utlagt garden i skiftet etter førstemannen for 350 spd. Martinus Gulliksen var skulehaldar. Sjå meir om han under Velle, Jakobgarden bnr. 6. Gjertrud døydde i 1839, og skiftebuet hennar hadde ei br. eige på 1418 spd. og ein gjeld på 143 spd. Martinus gjekk over på kår i 1841, men han vart buande i Straum-

gjerde til han i 1848 gifte seg att med enkja Laurentze Martinusdr. Velle og flytte til Velle.

Ver son til Gjertrud tok over bruket i Straumgjerde. Det var

*Ole Larssen Sætre* (f. 1807, d. 1868) g. 1834 m. *Severine Jensdr. Strømmegjerde* (f. 1817, d. 1897).

Br. 1841—ca. 1867.

Han ervde ein del av bruket gjennom kona si og løyste resten frå versyskena. Ole Larssen var lagrettemann. Ved den nye matrikuleringa i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 1 våg fiskel., revidert til 2 dlr. 4 ort og 8 skl. I 1845 var buskapen 1 hest, 9 kyr, 15 sauer, 6 geiter og 1 gris. Sånaden var 4½ t. bl.korn. 6 t. havre, 2½ t. poteter. Dette året var det frivilleg jordskifte i Straumgjerde.

Etter tradisjonen var det på dette bruket eit stort stovehus som vart kalla Gjerdelåna. Stova stod mellom det noverande stovehuset og stabburet. Ca. 1850 brann Gjerdelåna ned til grunnen, og mange verdfulle eignalutar strauk med. Såleis ei brudekrone med pynt. *Severine Jensdr.* brende seg på fingrane då ho skulle berge tinnkannene og tinntallerkane or det brennande huset, fortelst det. Ole Larssen sette opp nytt hus litt lenger oppe og sør for den noverande Strømmestova bnr. 9.

Etter Ole tok sonen over Gjerde. Det var

*Jens Olsen Strømmegjerde* (f. 1842, d. 1899) g. 1866 m. *Anne Larsdr. Ytre Tandstad* frå Nedstegarden (f. 1847, d. 1922).

Br. ca. 1867 — ca. 1895, sidan halve bruket til 1901.

Born: *Lovise* f. 1867 g. m. *Hans Larssen Strømme*. Sjå Straumgjerde bnr. 5. Ole f. 1869, g. på bruket. *Severine* f. 1871 g.m. *Johan Sivertsen Strømmegjerde* i Gylet. *Berte* f. 1873. Utvs. nr. 839. *Lars* f. 1875. Sjå bnr. 9. *Jensine* f. 1876. Utvs. nr. 841. *Jakob* f. 1878. Utvs. nr. 844. *Jens* f. 1883. Utvs. nr. 845. *Johan* f. 1884. Utvs. nr. 846. *Hanna* f. 1886. Utvs. nr. 840. *Anton* f. 1888. Utvs. nr. 842. *Lauritz* f. 1892. Utvs. nr. 847.

*Jens Olsen* tok over bruket i 1867. Han fødde i 1875 1 hest, 12 kyr, 4 ungdyr, 28 sauer, 2 geiter og 1 gris. Sånaden var 5 t. bl.korn, 9 t. havre og 4 t. poteter. I 1890 vart skylda på bruket, 2 dlr. 4 ort og 8 skl. revidert til 5,67 skyldmark. Dei to plassane Øvste-Einane bnr. 7 og Teigen bnr. 8 vart utskilde frå Gjerde i 1895, og det som var att av hovudbruket delte *Jens Olsen* i to like store deler, kvar med 2,13 mark i skyld. Den eine halvparten tok

sonen Lars over. Sjø Gjerde (Strømmebuket) bnr. 9. Den andre halvparten av bnr. 1 gjekk over til sonen

*Ole Jenssen Strømmegjerde* (f. 1869, d. 1942) g. 1891 m. Berte Jensine Olsdtr. Sjøvik frå Nedre-Sjøvik (f. 1867, d. 1952).

Br. ca. 1901 — 1938.

Born: Berte Oline f. 1892. Utvs. nr. 854. Oluf f. 1890 g. på bruket. Anne f. 1898 g.m. Karl Emdal. Sjø Straumgjerde bnr. 25. Petra f. 1901, d. 1935. Telefondame Jens f. 1912, d. 1942. Stud. filol.

Ole Jenssen sette opp ny løe og nytt stovehus (1902), stabbur, og dessutan naust og sel. Han braut og dyrka opp storparten av bruket, og la ned eit stort arbeid. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv han sjøen, og han heldt også ute båt. Ei tid hadde han motorbåt saman med Jens Tandstad, seinare hadde Ole båt åleine. Frå ca. 1906 hadde han telefonstasjonen i Straumgjerde. Første ti åra gjorde han arbeidet gratis med unntak av betaling som han fekk for bodsending.

Sonen

*Oluf Olsen Strømmegjerde* (f. 1896, d. 1967) g. 1927 m. Ragnhild Jensdtr. Blankholm frå Flusund i Herøy (f. ca. 1904, d. 1967).

Br. 1938—ca. 1955.

Born: Odd f. 1928 g. m. Astrid Martinsdtr. Straumsheim frå Nymarka. Solbjørg f. 1941 g.m. Ove Pettersen Straumsheim. Bnr. 2.

Før Oluf Strømmegjerde tok over garden, var han i mange år styrmann på lokalbåtane til MRF. Han fekk skøyte på bruket i 1938, og har m.a. bygt på stova. Oluf tok over som styrar av rikstelefonstasjonen i Straumgjerde, og frå 1933 vart han også postopnar i Straumgjerde etter Lars Drabløs i Eilevgarden.

Sonen

*Odd Olufsen Strømmegjerde* f. 1928 g. 1954 m. Astrid Martinsdtr. Straumsheim frå Nymarka f. 1931.

Br. frå ca., 1955.

Born: Otto Magne f. 1955. Jarle Sverre f. 1960.

Odd Strømmegjerde var i mange år kontormann ved Emdalsfabrikkane i Straumgjerde, og er no tilsett ved Hj. Brunstad sin fabrikk. Han driv også garden, har fleire mjølkekyr på bås og andre husdyr. Odd Strømmegjerde er medlem i kommunestyret og i skulestyret der han p.t. er formann.

EILEVGARDEN bnr. 2.

Hallstein Olsen Gjerde flytte frå Straumgjerde i 1660-åra. ca.  $\frac{1}{3}$  av Straumgjerde gjekk då over til styksonen

*Steinar Rasmussen Gjerde* (f. ca. 1625, d. ca. 1720) g. m. Tyri Olsdr. Brunstad (f. ca. 1682, d. 1764).

Br. ca. 1664—1721.

Alt i 1661 hadde han freista å ta i bruk jord i Straumgjerde som mor hans, Lisbet Steinsdr. hadde fått utlagt etter ekteskapet med Rasmus, truleg son til Sjur Torkjellson på Helgebostad. Men andremannen til Lisbet, Hallstein Olsen Gjerde, melde stykson sin Steinar for dette, og Steinar måtte levere frå seg avlinga og betale bot til Kongen. (Sjå under brukarar i Straumgjerde). Steinar vart arg, og ein preikesundag gjekk Steinar og broren Mikkell på Straume laus på stykfaren Hallstein då han var på veg til kyrkje. Hallstein melde overfallet, og Steinar måtte ut med ei ny bot, denne gongen 8 ørtuger 13 mark sylv. Ca. 1664 hadde han likevel fått bygsle eit stykke av Straumgjerde. Det var i 1666 rekna til 1 mællag, i 1705 hadde det auka til ca. 2 mællag. Steinar Olsen var lagrettemann i 1680-åra, og i 1701 er han nemnd som prestens medhjelper. Han hadde då drengen Ole Hanssen Stave som seinare tok over grannegarden. Sjå bnr. 1.

Skiftebuet etter Steinar i 1721 hadde ei brutto eige på 84 rdl. Gjelden var 28 rdl. Enkja Tyri Olsdr. gifte seg att i 1721 med

Ellev Amundsen Aure frå Jangarden bnr. 11 (f. ca. 1697, d. 1745).

Br. 1721 — 1745.

Han fekk bygselbrev frå Jens Abelset på 2 mællag i «Strømsgjerde» det året han gifte seg. Frå 1726 var han lagrettemann.

Sonen

Amund Ellevsen Gjerde (f. 1722, d. 1746) tok over bruket etter foreldra sine. Han fekk bygselsetel i 1745 frå Jens Abelset på 2 mællag, men alt året etter døydde Amund.

Bruket gjekk så over til verbroren

Hans Olsen Gjerde (frå bnr. 1 eller mest truleg frå Straumsheim) d. 1777, då 59 år gamal, g. 1747 m. Trine Ellevsdr. Gjerde (f. ca. 1712, d. 1794).

Br. 1746—1775.

Han fekk bygselbrev i 1746 på 2 mællag frå Jens Abelset. Hans Olsen er nemnd som lagrettemann i slutten av 1750-åra.

Sonen



*Ellev Hanssen Strømmegjerde* (f. 1749, d. 1823) g. 1774 m. Kirsten Hallsteinsdtr. Drotninghaug, (f. 1745, d. etter 1801, men før mannen).

Br. 1775- -1800.

Bygselbrev i 1775 frå Christen Møller Abelset på 2 mællag. I 1800 løyste han ut bruket av madam Abelset for 140 rdl., men han selde det alt eit par dagar seinare for same pris til ein

*Carl Knutsen Strømmegjerde*.

Br. ca. 1801—1811.

Han la kår til Ellev Hanssen frå 1800, men han er elles ikkje nemnd på dette bruket før i 1802. I 1804 selde Carl Knutsen ved Carl Rasmussen Brunstad bruket til Lars Christensen Midtgård for 140 rdl. Det er ikkje klart kor lenge Carl Knutsen sat i Eilevgarden. I 1811 kom verson til Ellev Hanssen og tok over. Det var

*Hans Rasmus Hanssen Strømsheim* (f 1781, d. 1856) g. 1811 m. Anne Marie Ellevsdtr. Strømmegjerde (f. 1781, d. 18(35)).

Br. 1811—1846.

Bygselsetel frå Lars Christensen Midtgård i 1811. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 1 pd. 12 mrk. endra til 1 dlr. 2 ort og 19 skl. I 1845 var det jordskifte i Straumgjerde. Hans Rasmus fødte det året 1 hest, 7 kyr, 11 sauer og 5 geiter, og sånaden var 3 t. bl.korn, 3½ t. havre og 1½ t. poteter. Frå slutten av 1820-åra og utover var Hans Rasmus Hanssen lagrettemann og mykje nytta som skynsmann, og i 1840-åra var han kyrkjevevje. I 1846 gjekk han over på kår og let bruket over til sonen

*Hans Karl Hanssen Strømmegjerde* (f. 1822, d.ca., 1869) g. 1846 m. Johanne Marie Eriksdtr. Heggebakk (f. 1824, d. 1878).

Br. 1846—1871.

Born: Lars Petter f. 1846. Berte f. ca. 1848 g.m. Karl J. Eliassen frå Avaldsnes. Hans Rasmus f. 1849, d. 1896. Dauvstum. Lars Elias f. 1851 g. på bruket. Hanna Lovise f. 1855 g.m. Petter Olaus Pettersen Fet. Peter Martinus f. 1858. Utvs. nr. 837. Sjå også Straume bnr. 11. Elias f. 1861. Karl Johan f. 1864. Utvs. nr. 836 og 841.

Hans Karl Hanssen fekk bygselsetel i 1846 frå Lars Christensen Midtgård. I 1858 løyste Hans Karl ut bruket for 300 spd. og vart sjølveigar. Men han måtte setje seg i stor gjeld for å greie kjøpet. I 1864 hadde bruket 20 mål dyrka åker og eng, og 64 mål

naturleg england. Buskapen var i 1865 1 hest, 8 kyr, 16 sauer og 1 gris. Sånaden var 3 t. bl.korn, 5 t. havre og 2½ t. poteter.

I skiftet etter Hans Karl Hanssen i 1871 fekk enkja Johanne Eriksdtr. utlagt bruket for 500 spd. Ho gifte seg att med enkjemannen

*Jørgen Ingebrigtsen Indre Tandstad* (f. Velle i 1833, d. 1912). Han sat med bruket til 1883. I 1875 fødde han 1 hest, 1 unghest, 6 kyr, 4 ungdyr og 20 sauer. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4 t. havre og 2 t. poteter. I skiftet etter kona Johanne Marie Eriksdtr. i 1882 fekk Jørgen utlagt bruket til sin eigedom for 2000 kroner, han gjekk over på kår i 1883. Dei siste leveåra budde han visstnok hjå bror sin Jens Petter Vik (bnr. 2).

Son til Hans Karl Hanssen og Johanne Eriksdtr. tok over Eilevgarden. Det var

*Lars Elias Hanssen Strømmegjerde* (f. 1851) g. 1883 m. Ane Marie Torsteinsdtr. Helstad frå Stranda (f. 1858, d. 1945).

Br. 1883—1902.

Born: Hanna f. 1884 g. m. Edvard Havnegjerde, Langevåg. Thea f. 1886 g. i Langevåg. Johanne f. 1888 g. Frøland i Ålesund. Jørgen f. 1890. Utvs. nr. 852. Karoline f. 1892. Utvs. nr. 850, Kristine f. 1894. Utvs. nr. 851. Elise (Lisa) f. 1895 g. i Langevåg. Jenny 1. 1899 g. m. Rasofiel Aarskog (på Vartdal).

Lars Hanssen fekk skøyte på Eilevbruket i 1883 frå stykfaren Jørgen Ingebrigtsen. Ved den nye skyldsettmga i 1890 vart skylda på bruket, 1 dlr. 1 ort og 20 skl. revidert til 2,94 mark.

Lars Hanssen dreiv skomakarverkstad i Straumgjerde, og hadde ei tid fleire mann i arbeid. Etter nokre år slutta han både gardsdrifta og skomakarverksemda og flytte til Vartdal.

Lars Hanssen selde bruket i 1902 til

*Lars Jenssen Drabløs* frå Samundgarden bnr. 1 (f. 1864, d. 1943) g. 1913 m. Marte Magnusdtr. Riksheim:brn 9 Gylet (f. 1884, d. 1963).

Br. 1902—1949.

Born: Olava f. 1913 g. på bruket. Oddbjørg f. 1917 g.m. Ivar Strand. Sjå bnr. 44.

Lars Jenssen Drabløs fekk skøyte på bruket i 1902 for 4,300 kroner og kår til Jørgen Ingebrigtsen. Ca. 1890 byrja Lars med meieri på Dravlaus og han kjøpte mjølka frå Straumsheim, Straumgjerde, Straume, Fet, Dravlaus, Velle og noko frå Brunstad. Om somrane hadde Lars separatoren i eit lite hus han sette opp ved elva eit stykke utafor Dravlausstølen. I 1895 gjekk Velledalen

saman om eit meieri ved Brunstad bru, og det vart slutt med verksemda på Dravlaus. Lars Jenssen slo seg saman med Bastian J. Straumsheim og dreiv ei tid meieriverksemd i Tørgjerbuda på Straume. Då Riksheim meieri kom i drift ca. 1897, vart det slutt på meieriverksemda i Tørgjerbuda. Etter at Lars tok over Eilev-bruket, ofra han seg for gardsdrifta. Dyrka mark var det berre kring husa då han tok fatt. Han dyrka og pløgde opp mest heile bruket, og bygde ny løe. Lars var også postopnar i Straumgjerde frå grenda fekk postopneri i 1899 til han sa frå seg arbeidet i 1933. Ved sida av arbeidet med garden og posten dreiv han fiskehandel. Han hadde sjøbud ved Langevåg. I denne tida hadde han motorbåt. Lars dreiv også med sylvrev i slutten av 1920-åra. I 1930-åra sette han opp råbygget til nytt stovehus og murar til ny fjøs.

I unge år var Lars Drabløs mykje med i ungdomsarbeidet. Han var ein av dei aller første i denne delen av bygda som tok til å arbeide med fleirstemmig song, og han hadde eit lite kor på Dravlaus alt i 1890-åra der ungdomar frå Straumgjerde også var med. Han var også mellom dei som skipa skyttarlaget i Velledalen, og han fekk mange medaljar og diplom som skyttar.

Dei to borna Lars og Marte hadde, delte i 1949 bruket mellom seg. Oddbjørg og Ivar Strand fekk den halvparten som vart kalla Bakkely med bnr. 44, der dei bygde hus. Resten av bruket med hus gjekk over til

*Ottar Riksheim* f. 1916 g- 1930 m. Olava Larsdtr. Drabløs f. 1913.  
Br. frå 1949.

Barn: Lorentz f. 1936 g. 1959 m. Anne Lise Larsen frå Sykkylven.

Ottar Riksheim har teknisk utdanning og har vore verksmeister ved Stranda og Sykkylven Billag frå 1961. Han har innreidt stovehuset i Eilevgarden, og dyrka 10—12 mål jord.

NYMARKA bnr. 3. (Nedste-Einane)

Utskild frå Eilevbruket bnr. 2 i 1859 med skyld 23 skl., rev. 1890 til 0,35 mark. Første brukaren var

*Elling Pedersen Hole* frå Knutgarden (f. 1827, d. 1883) g.1. m. Berte Ingebrigtsdtr. Velle frå Knutgarden (f. 1827, f. 1860) g.2. 1861 m. Lovise Hansdtr. Fet frå Nilsgarden (f. 1835, d. 1918).

Br. ca. 1852—1886.

Born: 1. ekteskap: Jens Petter f. 1853 g.m. Karen Hansdtr. Skarbø. Busett Øye på Stranda. Eline Gurine f. 1857 g.m. Peter Sivertsen Blindheim. Bnr. 15. Berte Johanne f. 1860 g. på bruket.

2. ekteskap: Ole f. 1865. Overlærer, Oslo. Hanna f. 1874 g. m. Peter Torsen Grebstad frå Eliasgarden. Sjå bnr. 7 og 39. Lars f. 1878 d. 1898,

Elling Pedersen kom til Nedste-Einane eller Nymarka som det også vart kalla, ca. 1852 og sat første åra på bygsel. I 1857 løyste han ut plassen av eigaren Lars Christensen Midtgård (sjå bnr. 2) for 78 spd. Plassen var i 1864 på 7 mål dyrka åker og eng, og 13 mål naturleg england. Dei fødde i 1875 4 kyr, 8 sauer og 1 gris. Sånaden var 2½ t. havre, 2 t. poteter. Elling reiste mykje rundt som skreddar.

I skiftet etter Elling Pedersen i 1884 fekk Lovise Hansdtr. utlagd plassen for 314 kroner. Ho gjekk i 1886 over på kår og bygsla bruket til stykdottera og mannen hennar. Det var

*Nils Larssen Strømme* frå Larsplassen under Jogarden på Straume bnr. 6 (f. 1855, d. 1918) g. 1884 m. Berte Ellingsdtr. Strøm (f. 1860, d. 1938).

Br. 1886—1935. Bygselsetel i 1886.

Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Nils fiske. Han var også bygningsmann.

Lovise Hansdtr. gav i 1887 skøyte på plassen for 800 kroner til sonen Ole Ellingsen Strøm som seinare vart overlærer i Oslo. Han gav i 1935 skøyte på plassen til systersonen

*Lars Petersen Grebstad* (Sjå bnr. 7 og 39) (f. 1899, d. 1972). Han voks opp i Einane hjå morsyster si.

Ved sida av å drive plassen har Lars Grebstad arbeidt på fabrikk.

Tomt under bnr. 3.

*Toralf Petersen Grebstad* frå bnr. 39 (f. 1905, d. 1964) g. 1928 m. Agnes J. Ås frå Torsken i Senja f. 1907. Bygde hus. Toralf var skomakar.

Born: Halldor f. 1928. Sjå bnr. 75. Jorunn f. 1933. Åshild f. 1937 g.m. Ole Fausa. Sjå Straumgjerde bnr. 66. Perdy f. 1942. Arnfinn f. 1946. Gunn Marit f. 1949.

GYLET bnr. 4.

Opphavleg husmannsplass under Gjerde bnr. 1, truleg rudt i siste halvparten av 1700-åra. Plassen vart kalla både Gjærehol og Gjærejøll i 1802, Jøllen i 1838. Alt i 1838 var plassen utskild frå hovudbruket. Han stod då med 20 skl. i skyld, rev. 1890 til 0,29 mark. Det er uvisst kven som var første brukaren. I 1793 kom

*Arne Halvorsen* f. ca. 1759, g.m. *Pernille Nilsdtr.* f. ca. 1765. Han fekk husmannssetel i 1793 av *Ole Rasmussen Gjerde*, men i 1796 flytte Arne og kona til plassen Uren under Åsen. Til Gylet kom

*Jan Olsen Furnes* (f. ca. 1760), g. 1798 m. *Synneve Salmundsdr.* (Brunstad?) (f. 1765, d. 1843).

Br. 1798—1828.

Grunnsetel frå *Ole Rasmussen* i 1798. Jan fødte 1 ku i 1802 og avla 3 t. korn. Den årlege avgifta av plassen var 2 rdl. Synneve enda sine dagar på legd,

Sonen

*Ole Jansen Strømmegjerde* (f. 1798, d. 1886) g. 1827 m. *Berte Gurine Hoversdr.* Grebstad (f. 1793, d. 1875).

Br. 1828 -- 1866.

Festesetel. frå *Jens Rasmus Olsen Strømmegjerde* i 1828. Ole Jansen skulle legge kår til mor si.

Om sonen Ole sjå Utvs. nr. 855 og side 50. Plassen var i 1864 på 5 mål dyrka åker og eng, og 7 mål naturleg england. Buskapen var 2 kyr og 5 småfe. Ole kom på legd siste leveåra.

I 1866 hadde Ole Jansen og kona *Berte Gurine* gått over på kår, og det kom nye folk til Gylet. Det var

*Jakob Simonsen Skylstad* frå Hjørundfjord (f. 1837, d. 1891) g 1. i 1866 m.. *Hansine Nilsdtr.* frå Bergen (f. 1836, d. 1882) g. 2. 1883 m. *Emte Jørgensdr.* Blakstad (f. 1841, d. 1919).

Br. 1866—1893.

Born: 1. ekteskap: *Olave* f. 1870. lærarinne. *Nikoline* f. 1873 g.m. *Petter J. Haugset* i Åmundgarden.

*Jakob Simonsen* voks opp i Simågarden på Tandstad Mellom bnr. 2. Han var smed, og sysla også med bjørnejakt. I 1875 fødte han i Gylet 3 kyr og 6 sauer. Sånaden var 1 t. bl.korn, 1 t. havre og 114 t. poteter.

Eigaren og brukaren i Gjerde bnr. 1 åtte også plassen Gylet. Då *Jakob Simonsen* døydde, gjekk enkja over på kår, og eigaren

av Gylet, Jens Olsen Strømmegjerde, let verson sin løyse ut plassen. Det var

*Johan Sivertsen Strømmegjerde* frå Teigen bnr. 8 (f. 1874, d. 1950) g. 1896 m. Severine Jensdtr. Strømmegjerde frå Gjerde bnr. 1 (f. 1871, d. 1961).

Br. 1890—1940.

Born: Sigvard f. 1897 g.m. Jenny Veibust frå Borgund. Sjø Straumgjerde, Teigen, bnr. 8. Jenny f. 1900. Utvs. nr. 848. Jakob f. 1902. Utvs. nr. 849. Josefine f. 1906 g. 1931 m. Reidar Langlo, Stranda. Lars f. 1908 g.m. Klara Olsdtr. Strømsheim. Sjø Straumsheim bnr. 3. Agnes f. 1916 g. på bruket.

Johan Strømmegjerde og kona la ned eit stort arbeid på bruket som dei dyrka og braut opp frå øvst til nedst. I tida kring 1930 fødde dei 1 hest, 6 mjølkekyr og 3—4 sauer. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Johan bygningsarbeid første tida. I 1907 sette han opp nytt stovehus i Gylet. Så reiste han til USA (Utvs. nr. 856), og i 1916, eit par år etter at han var komen attattende til heimlandet, bygde han ny løe som han i 1933 utvida med grise fjøs. Kring 1915 byrja han å handle med krøter, både hest og kyr. Seinare gjekk han meir og meir over til slaktarverksemd. I årevis reiste han kvar fredag til Ålesund med kjøt. Dessutan var Johan Strømmegjerde kai-ekspeditør i Straumgjerde i mange år. Medlem i forsorgsstyret.

Versonen

*Sivert Larssen Nakken* frå Borgund f. 1909 g. 1939 m. Agnes Johansdtr. Strømmegjerde f. 1916.

Br. frå 1940.

Born: Leif Jarle f. 1940 g.m. Gunvor Holmen frå Rossfjord. Sjø Straumgjerde bnr. 77. Solveig Kari f. 1943. Sydame.

Skøyte frå Johan Strømmegjerde i 1950. Kår. Sivert Nakken har bygt på huset og modernisert det. Elles har han ordna på fjøsane og snudd om gamal voll. På bruket lødde han 5 kyr og hest første åra. Frå 1964 gjekk han over til sauehald, og fôrar no ca. 20 sauer. Sivert Nakken har arbeidt ved fabrikk til K. Emdal frå 1937.

LILLEBØ bnr. 5 (Nymarka + Steinteigen).

Lillebø bnr. 5 vart utskild frå Gjerde bnr. 1 i 1891 med skyld 0,33 mark.

Steinteigen (sjå bnr. 11) var eit stykke av Gjerde (Strøm-

mebruket) bnr. 9 utskilt i 1905 med skyld 0,13 mark. Dei to stykka vart i 1907 slegne til eitt bruk.

Første brukaren på Lillebø var

*Hans Larssen Strømmegjerde* frå Straume (Jogarden), (f. 1865, d. 1925) g. 1891 m. Lovise Jensdtr. Strømmegjerde frå Gjerde bnr. 1 f. 1867, d. 1942).

Br. 1891—ca. 1928.

Born: Jens Peter f. 1892. Utvs. nr. 835. Nikoline f. 1895. Utvs. nr. 834. Peter f. 1898. Utvs. nr. 838, g. på bruket. Anne f. 1901 g. m. Anton Andreassen Tandstad. Ytre Tandstad bnr. 6. Harald f. 1911, d. 1940.

Hans Larssen kjøpte Lillebø i 1891 av verfar sin, Jens Olsen Strømmegjerde, for 960 kroner, og Steinteigen, der den gamle Andersplassen hadde lege (sjå bnr. 11), kjøpte han i 1907 av verbror sin, Lars Jenssen Strømmegjerde, for 300 kroner. Lillebø vert i dagleg tala kalla Nymarka. Hans dreiv også skreddarverksemd ved sida av arbeidet med bruket.

Sonen

*Petter Hanssen Strømmegjerde* f. 1898 g. 1929 m. Karen Rasmusdtr. Velle frå Knutgarden (f. 1897, d. 1967).

Br. frå 1928.

Born: Hans f. 1929 g. på bruket. Liv f. 1936.

Petter Strømmegjerde var nokre år i USA før han tok over garden. Utvs. nr. 838. Han sette opp stovehus i 1934 og løhus i 1931. Ved sida av gardsarbeidet har han arbeidt mykje med vegbygging i kommunen. Han driv no bruket saman med sonen

*Hans Pettersen Strømmegjerde* f. 1929 g. m. Astrid Skjesol frå Trøndelag. Han er salmakar.

Barn: Petter Ståle f. 1967.

SOLBAKKEN bnr. 6. (Teigen, Nedste-Teigen)

Utskild frå Eilevbruket bnr. 2 i 1892 med skyld 0,65 mark. Lars Hanssen Strømmegjerde i Eilevgarden selde plassen i 1892 for 1.450 kroner til

*Bernt Olsen Ekornes* frå Myra (f. 1866, d. 1927) g. 1890 m. Johanne Berntsdtr. Erstad frå Olagarden (f. 1852, d. 1930).

Br. ca. 1890—1927.

Born; Ole Bastian f. 1891. Utvs. nr. 833. Andreas f. 1894. Utvs. nr. 831. Anton f. 1898, g. på bruket.

Bernt Olsen kjøpte ei gamal stove på Furset og førde henne til Teigen. Han sette også opp løe. Plassen var urudd då Bernt og Johanne kom, og det vart mykje slit før dei fekk dyrka han opp. Vinterhalvåret dreiv Bernt fiske. Han stasjonerte mykje på Alnes. Elles var han skomakar, og dessutan mykje nytta som kjøkmeister i bryllaup rundt om i bygda. I dagleg tale vart han kalla Mynte-Bernt. Då han døydde, reiste enkja Johanne Berntsdtr. til borna sine i USA, men ho treivst ikkje i dei nye tilhøva og året etter kom ho heim att til Teigen. (Uts. nr. 830) Sjå også bnr. 12.

Sonen

*Anton Berntsen Strøm* (f. 1898, d. 1939) g. 1917 m. Ellen Olsdtr. Strand frå Kristiansund f. 1895.

Br. 1927—1943.

Barn: Borgny f. 1923 g. på bruket.

Skøyte på Solbakken frå Bernt Olsen Strømmegjerde i 1927 for 3.500 kroner og kår. Anton Strøm var styrmann i Møre og Romsdal Fylkesbåtar til han i 1927 saman med kona, dottera og mor si Johanne Berntsdtr. reiste til USA. Uts. nr. 832. Ellen og Borgny reiste heim att til Teigen etter ei tid, og i 1935 kom også Anton heim att. Han var då sjuk.

Versonen

*Johan Johansen* frå Grebstad bnr. 41, f. 1918 g. 1941 m. Borgny Antonsdtr. Strøm f. 1923.

Br. frå 1943.

Born: Anne Lise f. 1942 g.m. Palmar Lyngvær. Sjå bnr. 74. Eldbjørg f. 1944 g.m. Jan Slåtsveen frå Nesodden. Bodil f. 1945 g. m. Odd Holten frå Angvik. Jon Birger f. 1947 g. m. Astrid Kjemphol. Sjå Strømmegjerde bnr. 90. Inger Hilde f. 1949 g.m. Jon Arne Hildre. Busett Hildre. Kari-Bente Johanne f. 1952 g.m. Bjørn Steinar Hunstad frå Bodø, p.i. busett Svolvær. Astor f. 1954.

Johan Johansen bygde ny løe i 1947 og har modernisert stovehuset. Ved sida av arbeidet med bruket har han drive som murar. Serleg kjend har han vorte for dei vakre gruene (peisane) som han har laga av naturstein i mange hytter og peisstover i distriktet.

Bygsletomt under bnr. 6.

*Marie Larsdtr. Strømmegjerde* frå Øvste-Einane bnr. 7 f. 1896. Ho sette opp hus ca. 1950.



ENEBØ bnr. 7. (Øvste-Einane)

Opphavleg husmannsplass under Gjerde bnr. 1. Plassen vart kalla Enen i 1865. Eineplassen i 1875, og i dagleg tale no Øvste-Einane. (Sjå bnr. 3). I 1895 vart plassen utskild som eige bruk og fekk 0,59 mark i skyld.

Første brukaren i Øvste-Einane var

*Karolus Eriksen Aure* frå Jakobs garden (f. 1797, d. 1953) g. 1844 m. *Lydianne Ingebrigtsdtr. Velle* (f. 1819, d. 1885), dotter til Ingebrigt Jørgensen Velle og kona Johanne Petrine Jakobsdtr. f. Dravlaus.

Br. 1846—1855.

Karolus fekk festesetel av Ole Larssen Strømmegjerde i 1846.

Enkja *Lydianne Ingebrigtsdtr.* gifte seg att i 1855 med

*Bernt Peder Karolussen Dravlaus* (f. 1828, d. 1912) g.2. 1887 m. *Johanne Larsdtr. Klokkehaug* frå Myra (f. 1833, d. 1909). Ho vart i dagleg tale kalla Alet-Johanne

Br. 1855—1897.

Born: Fosterson: brorson til *Lydianne, Peter Sivertsen Strøm* f. 1859, son til *Sivert Ingebrigtsen Velle* og *Johanne Marie Pedersdtr. Dravlaus*. Peter vart gift med *Berte Madsdtr. Blindheim* frå Erik garden.. Lærer i Ålgård. Johanne hadde dessutan dottera *Karoline* f. 1869. Uts. nr. 671.

Bernt Karolussen fødde i 1875 4 kyr, 9 sauer, og sånaden var 3 t. havre og 1½ t. poteter.

I 1897 gjekk Bernt og Johanne over på kår og let plassen over til.

*Lars Olsen Blindheim* frå Pe-Ola-plassen bnr. 2 (f. 1861, d. 1958) g. 1891 m. *Anne Olsdtr. Drotninghaug* frå Bødagarden (f. 1870, d. 1950).

Br. 1895—1951.

Born: *Olav* f. 1893. Uts. nr. 853. *Marie* f. 1896. Sjå bygsle-tomt under bnr. 6. *Inga* f. 1898 g.m. *Petter Nonsvik, Skodje*. *Karoline* f. 1900, d. 1924. *Ingrid* f. 1903 g.m. *Paul Araldsen, Oslo*. *Laura* f. 1905 d. ug. *Johanne* i 1907 g. m. *Eivind Johansen, Oslo*. *Margit* f. 1909 d. ug. 1954. *Peder* f. 1911 g. på bruket. *Astrid* f. 1915 g.m. *Olav Olsen, Oslo*.

Lars Olsen kjøpte plassen av *Jens Olsen Strømmegjerde* i Gjerde bnr. 1, og fekk skøyte i 1897 for 1.350 kroner. I 1898 bygde Lars nytt stovehus. Ved sida av å drive bruket arbeidde Lars som kammakar.

I 1951 gjekk Lars og kona over på kår og let bruket over til sonen *Peder Larssen Strømmegjerde* (f. 1911, d. 1972) g. 1944 m. Borghild Nilsdtr. Frøysa frå Sunnylvn f. 1917.

Br. frå 1951.

Barn: Allis Norunn f. 1948.

Skøyte i 1951 for 3000 kroner. Ved sida av arbeidet med plassen dreiv Peder Strømmegjerde med sal av konfeksjonsvarer.

#### TEIGEN bnr. 8 (Syverplassen)

Opphavleg husmannsplass under Gjerde bnr. 1, utskild 1895 med skyld 0,49 mark. Første brukaren var

*Sivert Martinus Andreas Larssen Strømme* frå Jogarden på Straume (f. 1836, d. 1916) g. 1871 m. Karen Knutsdtr. Velle frå Jogarden (f. 1848, d. 1934).

Br. ca. 1870- -1924.

Born: Lovise f. 1872 g. m. Ole Petter Søvikhaug. Johan f. 1874. Uts. nr. 856. Sjø bnr. 4. Ole f. 1879. Uts. nr. 857. Sjø Straume Sølmgarden bnr. 1. Olave f. 1881 g. m. Andreas Havnegjerde, Langevåg. Petter Tomas f. 1885. Uts. nr. 859. Severin f. 1890. Uts. nr. 858.

Sivert Larssen sette opp hus på plassen. Han fødte i 1875 2 kyr, 3 sauer og 1 gris. Sånaden var 1 t. havre og 1¼ t. poteter. Om vintrane dreiv Sivert fiske.

Sonesonen tok over bruket etter Sivert. Det var

*Sigvard Johansen Strøm* frå Gylet bnr. 4, (f. 1897, d. 1974), g. 1920 m. Jenny Ivarsdtr. Veibust frå Borgund f. 1901.

Br. 1924—1956.

Born: Selma f. 1921 g.m. Johan Astrup Olsen. Sjø Straumsheim bnr. 19. Judit f. 1923, d. 1934. Kirsten f. 1925, g.m. Asbjørn Lade. Sjø Straume bnr. 29. Johan f. 1929, g. på bruket.

Eigaren av plassen, enkja Anne Larsdtr. Strømmegjerde i Gjerdet bnr. 1 hadde i 1916 gitt skøyte på Syverplassen til dottera Jensine Jensdtr. for 1000 kroner. Ho var g. m. Karl Hanssen Strømmegjerde. (Uts. nr. 841 og 836). Dei selde så Syverplassen i 1924 til Sigvard Strøm for 3000 kroner. Han hadde først gått i snikkarlære hjå Hatlemark i Tusvik, og arbeidde så i 4 år hjå byggmeistrane Strømsheim og Strømme i Ålesund. I 1921 pakta Sigvard Strøm eigedomen til Rønneberg på Larsnes, og var der

til han i 1924 flytte til Syverplassen. Han bygde stovehus i 1926 og løhus i 1946. Plassen dyrka han godt opp, og fødde 3 kyr og 2—3 sauer. Frå 1929 til 1937 dreiv han vegarbeid i sommar-halvåret, og frå 1937 til 1940 var han arbeidsformann ved Emdals Fabrikker i Straumgjerde. Sigvard Strøm har vore mykje nytta i kommunen si teneste. Medlem i kommunestyret, skulestyre, byggeråd m.m. I 1966 var han ute for ei trafikkulykke, og det førde til at eine foten måtte takast av.

Sonen

*Johan Sigvardsen Strøm* f. 1929 g. 1951 m. Bergljot Bernhardsdr. Kittang frå Kinn (f. 1930, d. 1972).

Br. frå 1956.

Born: Anne Brit f. 1952. Siv Jorunn f. 1961.

Johan Sigvardsen fekk skøyte på bruket i 1956. Han har modernisert loftshøgda på stovehuset og vølt på fjøsane. Elles arbeider han på fabrikk og er arbeidsformann.

Bergljot omkom i ei bilulykke på Tandstad den. 9. desember 1972.

#### GJERDE, bnr. 9 (Strømmebuket)

Jens Olsen Strømmegjerde på bnr. 1 delte i 1895 bruket sitt i to like deler, kvar fekk 2,13 mark i skyld. Sonen Ole Jenssen tok over den halvparten der husa stod. Bnr. 1. Den andre delen som fekk bnr. 9, gjekk over til sonen

*Lars Jenssen Strømmegjerde* (f 1875, d. 1907) g. 1899 m. Ingeborg Kristiansdr. Lade frå Olagarden (f. 1876).

Br.ca., 1895—1907.

Skøyte frå Anne Larsdr. Strømmegjerde i 1901 for 2000 kroner og kår. Lars Jenssen sette opp løe på det nye bruket, men ikkje stovehus. Etter tradisjonen budde Lars og kona i kårstova til Jens Olsen og Anne Larsdr. Denne stova hadde dei flytt til Gjerde frå Ytre Tandstad der Anne var frå. Lars Jenssen døydde i 1907. Enkja flytte seinare til Engesetdalen der ho gifte seg opp att (Ekrol). Garden selde ho til

*Ole Ingebrigtsen Strømme* frå Straume bnr. 5 (f. 1876, d. 1936) g. 1. 1901 m. Petrine Petersdr. Riksheim (f. 1879, d. 1910) g. 2. 1916 m. Marie Fredriksdr. Fet frå Hansgarden f. 1890.

Br. 1907- 1937.

Born: Sverre f. 1902, d. 1922. Tordis f. 1919 g.m. Arne Flaate. Sjå Straume bnr. 5. Inge f. 1920 g. på bruket.

Skøyte i 1907 frå Ingeborg Kristiansdtr. til Hans Larssen Strømmegjerde som overdrog eigedomen til Ole Ingebrigtsen Strømme for 6000 kroner. Medrekna i kjøpet var også husa på bruket og buskapen: 1 merr, 5 storfe, 1 kalv, 2 grisar og 14 høns. Dessutan halvdelen i eit stabbur, ½ naust, ½ kvernhus på Straumsheim med vassfall og kvern, halvparten i eit torv- og moldtak på Straumsheim, halvparten av seterhusa Hindaholen og Langeneset, gardsreiskap, ½ stornotpart, ½ kastenot, ½ slengenot-part, 4 aksjar i Straumgjerde kai, 4 aksjar i Riksheim meieri.

Ole Strømme sette opp nytt stovehus på bruket, og i 1927 bygde han ny løe. Han var ein interessert gardbrukar. Storparten av bruket var udyrka då han tok over. Mesteparten var fulldyrka då sonen tok over i 1937. Elles var Ole Strømme utdانا lærar frå Stord seminar, og var m.a. lærar i Sykkylven frå 1897 til han i 1919 vart lensmann i Ørskog og Sykkylven. Frå 1911 til 1919 var han ordførar i Sykkylven, og i denne tida gjorde han m.a. opptaket til skipinga av Sykkylven kommunale kraftverk (1915). I 1931 valde Venstre han inn på Stortinget, og i 1932 vart han statsråd i Mowinekels 3. regjering. Elles var Ole Strømme medlem og formann i mange styre og han la ned eit stort arbeid på mange omkverve. Sjå «Sykkylven Sparebank gjennom hundrad år» s. 96.

Sonen

*Inge Olsen Strømme* f. 1920 g. 1946 m. Gunvor Reinhardsdtr. Dalset frå Straume bnr. 17 (f. på Bjørkedalseidet 1924).

Br. frå 1937.

Born: Møyfrid f. 1947. Ragnhild Johanne f. 1949. Olav Sverre f. 1953. Trond Ingebrigtsen f. 1957. Fred Reinhardt f. 1962.

Inge Strømme fekk skøyte i 1937. Han har gått mellomskule, landsbruksskule og handelsskule. Han sette opp drivhus på bruket og dreiv tomatdyrking nokre år ved sida av gardsdrifta elles. I seinare år har han teke over kolonialforretninga som verfar hans, Reinh. Dalset, dreiv på Straume.

STEINTEIGEN bnr. 11 med Andersplassen.

Steinteigen vart utskild frå Gjerde bnr. 9 (Strømmebruket) i 1905 med skyld 0,13 mark. På dette stykket låg det ein liten hus-

mannsplass som vart kalla Andersplassen. Det var denne plassen som i 1802 bar namnet Rabben. Første kjende brukaren i Rabben var.

*Anders Johansen Mo* (f. ca. 1749, d. 1817) g. 1788 m. enkja *Marte Oldstr. Hjortdal* (f. ca. 1753, d. 1821).

Br. ca. 1796—ca. 1821.

Han vart også kalla Anders Yochumsen og var ei tid busett i Ura under Åsen. I 1796 var han komen til Rabben som plassemann. Grunnsetel på plassen fekk han i 1798 frå Ole Rasmussen Gjerde (Bnr. 1). Anders fødte 1 ku. Kornavlinga var 3 t. Den årlege bygselavgifta var 2 rdl. Etter tradisjonen hadde Anders ei skral lita stove å bu i. Kua dei fødte, hadde dei i kjellaren. Plassen må ha fått namn etter Anders.

Sonen

*Petter Anderssen Strømmegjerde* f. i Åsen (Ura) 1792, g. m. *Guri Ellingsdtr.*

Petter er nemnd som husmann i Straumgjerde då dottera *Marte Oline* vart døypt i 1822, men seinare har han truleg flytt frå Andersplassen som visstnok vart nedlagd. Jordstykket der Andersplassen hadde vore, fekk i 1905 namnet *Steinteigen*, og i 1907 kjøpte *Hans Larssen Strømme* dette stykket av verbroren *Lars Jenssen Strømmegjerde*, og la det attåt bruket sitt. Sjå *Lillebø* bnr. 5 (Ny-marka).

SLETTEBØ bnr. 12.

Utskild frå *Eilevbruket* bnr. 2 i 1909 med skyld 0,09 mark. *Lars Jenssen Drabløs* selde dette stykket i 1909 for 400 kroner til *Bernt Olsen Strømmegjerde* på bnr. 6. I 1922 fekk sonen *Andreas* gåvobrev på dette jordstykket. Men han var i USA, og i 1935 vart stykket selt på auksjon. Sonedortera til *Bernt Olsen*, *Borgny Strøm Johansen*, fekk skøyte på *Slettebø* for 250 kroner. Ho selde stykket i 1951 til *Hjalmar P. Brunstad*. Sjå bnr. 35.

KAIPLASSEN bnr. 13.

Sjøgrunn ved enden av *Sykkylvsfjorden*. Stykket er utskilt frå *Gjerde* bnr. 1 i 1909 med skyld 0,03 mark. *Ole Jenssen Strømmegjerde* selde dette stykket i 1910 til

*Velledalens kaiselskap* for 500 kroner. Dette selskapet hadde bygt kai her i 1904. Tidlegare hadde rutebåtane nytta flyttmenn når de i skulle få folk og varer i land eller om bord. Sjå innleiinga til Straumgjerde

Etter 1904 har Straumgjerde kai vorte utvida fleire gonger. Det er også blitt bygt nytt kaihus. Frå 1909 hadde Straumgjerde rutesamband med Ålesund kvar yrkedag etter at motorbåten «Aure» hadde vorte bygd for denne ruta. Frå 1940-åra har bilrutene teke opp tevlinga om både gods- og persontrafikken, men framleis er det mykje varer som kjem og går over Straumgjerde kai med kystrutebåtar på si ferd sørover og nordover,

FAGERVIK bnr. 16.

Utskild frå Gjerde bnr. 1 i 1909 med skyld 0,04 mark. Stykket ligg ved nordsida av elva i Straumgjerde der ho renn ut i fjorden. I eldre tid bar dette stykket namnet Kjerringøyane.

*Ole Knutsen Hjorthol* frå Pegarden (f. 1865, d. 1953) g. 1898 m. Berte Pettersdtr. Aure frå Knutgarden (f. 1880, d. 1955).

Br. 1909—1940.

Born: Knut f. 1904 g. på bruket. Petter f. 1912 g. m. Agnes Dyb. Sjå Straumsheim bnr. 9.

Ole Knutsen Hjorthol kjøpte dette stykket av Ole Jenssen Strømmegjerde i 1910 for 160 kroner. Om lag ved same tid kjøpte Ole Knutsen også fleire andre parsellar ved denne strandlina, m.a. Fagerheim bnr. 17, skyld 0,02 mark, Vandsletten bnr. 15 med skyld 0,02 mark, og i 1918 parsellen Tangen bnr. 18 med skyld 0,04 mark.

I 1912 bygde Ole Knutsen stovehus på bnr. 16, og Berte og han dreiv landhandel med butikk i huset. Ho vart til dagleg kalla Buda-Berte, og det var i hennar namn handelen gjekk i seinare år. Dei bygde også pakkhus og andre uthus på desse parsellane sine.

Sonen

*Knut Olsen Hjorthol* f. 1904 g. 1938 m. Marie Pettersdtr. Riksheim f. 1917.

Br. frå 1940.

Born: Brit f. 1938 g.m. Johan Svindset. Sjå Straumgjerde bnr. 57. Bjørg f. 1942. Ole Petter f. 1946 g.m. Eva Roald.

Knut Olsen Hjorthol tok over eiedomen i 1940, men hadde skøyte til bnr. 16 alt frå 1910. Knut tok også over forretninga som han driv framleis. Frå 1932 har han køyrt posten frå postopneriet i Straumgjerde til Drotninghaug. Han slutta i 1974.

#### SLETTEVOLL bnr. 19.

Dette er eit stykke av Gjerde bnr. 1 og ligg mellom riksvegen og sjøen. Slettevoll vart utskilt frå bnr. 1 i 1930 med skyld 0,95 mark., men har same eigar og brukar som Gjerde bnr. 1.

#### VONHEIM bnr. 20 (Emdal-fabrikken).

Tomta vart utskild frå Slettevoll bnr. 19 i 1934 med skyld 0,02 mark. Skøyte frå Ole J. Strømmegjerde og Oluf Olsen Strømmegjerde same året til

*Emdal & Co. A/S* ved Karl Emdal. (Sjå bnr. 25). Han bygde fabrikk på tomta i 1934 og arbeidstokken i fabrikk var 7 mann til å byrje med. Produksjonen var for det meste stoppa møblar. Emdal utvida fabrikk med tilbygg i 1946. I 1957 tok Emdal over Tandstad Stol- og Møbelfabrikk som hadde bygt på bnr. 38 og 39. Emdal bygde på ei høgd på fabrikk og utvida lageret i 1958. Dette bygget låg ved sjøen nord for Vonheim. Jordstykket som låg i mellom, Flatabø bnr. 63, kjøpte Emdal av Oluf Strømmegjerde i 1951, og same året sette han opp fabrikk også her, slik at han knytte Vonheimfabrikken på bnr. 20 med avdelinga på bnr. 38—39.

Sjå også bnr. 41,

#### SOLHEIM bnr. 22.

Utskild frå Gjerde bnr. 1 i 1938 med skyld 0,08 mark.

*Monrad Nilssen Hoff* frå Langevåg f. 1909 g. 1928 m. Ragna Torgeirsdtr. Vikstad frå Straume bnr. 26, f. 1909, kjøpte dette stykket i 1937 av Ole Jenssen Strømmegjerde, og bygde hus i 1938. Monrad Hoff var fabrikkeigar og hadde fabrikk på ei bygsletomt under Velledalens Almenning. I slutten av 1940-åra flytte han til Langevåg.

Born: Anny f. 1928 g.m. Willy Fure. Dei tok over denne eiedomen. Petra f. 1930 g.m. Willy Sætre. Kåre f. 1931 g.m. Jo-

runn Grebstad. Ragnhild f. 1933 g.m. Sigurd Fet. Torunn f. 1934 g.m. Per Iversen. Nils f. 1937 g.m. Torbjørg Andersen. Marit f. 1942 g.m. Jens Arne Moldvær. Solgunn f. 1944 g.m. Arne Eiker.

Etter Monrad Hoff kom versonen

*Willy Oskarsen Fure* frå Ålesund f. 1922 g. 1948 m. Anny Monradsdtr. Hoff f. 1928. Han tok over denne eigedomen i 1956. Industriarbeidar.

Born; Arild f. 1949. Reidar f. 1951. Vigdis f. 1952. Marit f. 1954. Eva f. 1957. Atle Willy f. 1959.

NYTUN bnr. 23.

Utskilt frå Nymarka bnr. 3 i 1938 med skyld 0,01 mark,

*Jens Olsen Bonesmo* frå Støren (f. 1901, d. 1964) g. 1928 m. Elise Petersdtr. Grebstad frå bnr. 39, f. 1903, kjøpte tomte av Lars Petersen Grebstad i 1939 og bygde hus same året. Jens Bonesmo var kontormann.

Born: Per f. 1929, arkitekt, reguleringskonsulent, g.m. arkitekt Astrid Eknes. Busett Oslo. Gunnvor f. 1931 g.m. Børre Erstad. Ikornnes. Margot f. 1933 g.m. Jostein Strømmegjerde. Sjø Straumsheim bnr. 3. Hanna f. 1935 g.m. forsøksleiar Gjermund Vegsund. Edny f. 1937, lærarinne, g.m. forlagssjef Anders Madslie, Oddbjørn f. 1939. Fabrikkarbeider. Ole f. 1940 g.m. Jofrid Helset frå Volda. Sjø Straumgjerde bnr. 69. Jostein f. 1943. Bygningsmann, g.m. Ann-Elise Moldskred frå Hareid. Grete f. 1945. Kontordame.

DALEBØ bnr. 24.

Utskild frå Eilevbruket bnr. 2 i 1938 med skyld 0,04 mark. Lars J. Drabløs selde dette stykket same året til

*Lars Andreassen Lade* frå Hau-Knut-garden f. 1912, g. 1938 m. Margit Olsdtr. Helle frå Vatnefjorden (f. 1914, d. 1961). Lars g. att 1973 m. Edit Dalsbø frå Kristiansund f. 1915.

Born: Arnjot f. 1939, adjunkt, g.m. Liv Steinseth. Reidun f. 1940 g.m. John Holmberg frå Hole. Sjø Brudevoll bnr. 19. Ho har husflidskuleutdanning. Margrethe f. 1943 g.m. Bastian A. Aure. Sjø Klokkehaug bnr. 25. Åshild f. 1946 g.m. Arne Raa frå Raadalen i Fana. Aslaug f. 1949, student, g.m. Sverre Øyehaugen frå Austre Gausdal.



Etter at Lars Lade hadde gått framhaldsskulen og handelsskulen, byrja han i skomakarlære hjå Lars L. Grebstad i 1927. I 1929 byrja Lars Lade med skoverkstad på Lade og dreiv der til han i 1934 flytte til Straumgjerde. Han tok til med skofabrikk i 1936 i leigde lokale, sette så opp eige fabrikkhus med bustad i 1938, bygde på huset i 1948 og hadde ei tid ca. 15 mann i arbeid ved fabrikk. Frå 1956 har han drive kjemisk renseri. Versonen John Holmberg leigde ei tid ein del av lokala og dreiv handel her, «Aktuell Elektriske og Møbler A/S». seinare har Lars Lade hatt møbel forretning i lokala.

EMDALSTUN bnr. 25 og 37.

Parsellane er frå Sletrevoll bnr. 19 som er av Gjerde bnr. 1. Bnr. 25 vart utskilt i 1939, og bnr. 37 i 1945 med skyld til 0,05 mark.

Ole Jenssen Strømmegjerde selde stykka til versonen

*Karl Olsen Emdal* frå Stranda f. 1900, g. 1929 m. Anne Olsdtr. Strømmegjerde frå Gjerde bnr. 1 f. 1898.

Barn: Ola f. 1931 g. 1955 m. Marit Johansdtr. Rusten frå Sands-  
hamn.

Karl og Anne Emdal bygde stovehus på bnr. 25 i 1938. Han har vore ein av føregangsmennene i møbelindustrien i Sykkylven. I unge år arbeidde han hjå P. I Langlo på Stranda og lærde korgfletting. Då Sykkylven Kurvmøbelfabrikk vart skipa på Aure i 1929, fekk K. Emdal plassen som arbeidsformann. Hovudaksjonærane i fabrikk var O. T. Lied, Karl Ramstad, K. S. Brudevoll, K. Emdal, og Fridtjof Fredriksen som vart disponent. Dei løyste opp laget i 1934, og Emdal byrja då med møbelfabrikk i Straumgjerde, K. Emdal & Co. A/S. Etter eit par år løyste Emdal ut dei andre aksjonærane og vart eigar åleine. I 1945 kjøpte han aksjemajoriteten i madrassfabrikken Ligg-Godt A/S. Oslo, og kort tid etter flytte denne verksemda både forretningskontoret og produksjonen til Straumgjerde. K. Emdal vart tilsett som disponent. I 1951 kjøpte han resten av aksjane. Firmaet Ligg-Godt A/S kjøpte så i 1967 firmaet K. Emdal & Co. og endra frå same tid namn til Emco-Møbler A/S.

Karl Emdal saman med sonen Ola Emdal kjøpte i 1958 ein eigedom på Årnes og byrja med fabrikk der, og i 1966 utvida dei med ei avdeling i Ellingsås, nord for Göteborg i Sverige. I 1968

hadde Emco-Møbler A/S i alt 131 personar i arbeid. Av desse 70 i Straumgjerde, 45 på Årnes, 9 i Sverike, 5 i Oslo og 2 i Trondheim.

Sjå elles bnr. 20, 38—39, 41 og 63.

SOLVOLL bnr. 28 og 55.

Bnr. 28 vart utskilt frå Slettevoll bnr. 19 i 1941 med skyld 0,02 mark, og bnr. 35 vart utskilt i 1957 med skyld 0,01 mark.

*Hj. Brunstads Fabrikker A/S* sette opp fabrikk i 1946 på bnr. 28 og utvida verksemda med eit nytt stort bygg i 1951 ved sida av det første. Seinare sette selskapet opp eit stort lagerhus. Produksjonen auka jamt, og i 1968 bygde *Hj. Brunstad Fabrikker A/S* ny og moderne fabrikk på Vik (sjå bnr. 77). Denne fabrikk fekk ei samla golvflate på 7.500 rutemeter. I tillegg til dette åtte *Hj. Brunstad Fabrikker A/S* også tomtene bnr. 49 og 50 i Straumgjerde ei tid, og selskapet sette også opp eit større lagerhus her. Denne eigedomen selde *Hj. Brunstad Fabrikker A/S* i 1960.

Hjalmar Brunstad (Sjå Straumgjerde bnr. 35) byrja denne verksemda i ein kjellar i Øvre Velledalen i 1941. Med stor arbeidskraft og innsikt bygde han verksemda ut og skapte ein moderne møbelfabrikk som vart ein av dei største i landet i denne bransjen, Produksjonen er stoppa møblar. Arbeidsåret 1973 hadde fabrikk 90 personar i full virksemd, og dei produserte møblar for ca. 20 millionar kroner.

SOLHEIM bnr. 29.

Tomta vart utskild i 1942 frå Eilevbruket bnr. 2, og bnr. 29 fekk 0,02 mark i skyld.

*Tordis Fedt Ekornåsvåg* (sjå Fet bnr. 4) f. 1905, sette opp hus på tomte i 1960. Ho leiger huset bort.

TANDSTAD bnr. 33.

Tomta vart utskild frå Strømmebruket bnr. 9 i 1943 med skyld 0,03 mark.

*Erling Pettersen Tandstad* frå Ytre Tandstad bnr. 1, f. 1909

g. 1937 m. Johanne Pettersdtr. Riksheim f. 1914, bygde hus i 1950. Han arbeider i industrien.

Born: Marit f. 1940 g.m. Olav Olsen Velle frå Jakobgarden. Bodil f. 1944. Petter f. 1946,

HØGTUN bnr. 35.

Stykket vart utskilt frå Slettebø bnr. 12 i 1944, og Borgny Strøm Johansen selde det til

*Hjalmar Pettersen Brunstad* frå Jørngarden (f. 1919, d. 1974) g. 1948 m. Kjellbjørg Hilmarstr. Rødal frå Tafjord f. 1926.

Born: Helge Vidar f. 1951. Wenche Kristin f. 1958.

Hjalmar Brunstad var ein av dei mange i Sykkylven som byrja i møbelindustrien i slutten av 1930-åra. I 1941 skipa han eiga verksemd i ein kjellar i Velledalen med 2 tilsette. Dette var opptaket til Hj. Brunstads Fabrikker A/S. Verksemda utvikla seg raskt, og snart vart kjellaren for trang. Han sette opp stort fabrikkbygg i Straumgjerde på bnr. 28 (sjå dette) og kort etter kom fleire utbyggingar (bnr. 49, 50 og 55). Han leigde også ei tid eit ledig fabrikklokale og dreiv produksjon der. I 1968 utvida Hjalmar Brunstad verksemda med ei stor, ny avdeling på Vik (bnr. 77).

Hjalmar Brunstad var ikkje av dei aller første som byrja å lage møblar i Sykkylven, men han må likevel reknast som ein av pionerane innan industrireisninga i bygda i 1940—1970-åra då Sykkylven vart omskapt frå å vere ei jordbruksbygd til å bli ei industribygd. Han skapte sjølv ei verksemd der dei tilsette hadde sine gode arbeidsplassar, og stod som leiar for verksemda til hjartet brått svikta, då han berre var 55 år gamal.

Hjalmar Brunstad hadde elles mange andre interesser ved sida av arbeidet med fabrikk. Han var lenge medlem i styret for Sykkylven kommunale kraftverk, ei tid også formann, medlem i kommunestyret og i mange kommunale nemnder. Stovehuset på Høgtun bygde han i 1945.

VANGEN bnr. 36.

Tomta vart utskild frå Strømmebruket bnr. 9 i 1944 med skyld 0,04 mark.

Syskena

*Petter Pettersen Stølen* (f. 1902, d. 1964) og *Anna Pettersdtr. Stølen* f. 1914 frå Riksheimgjerde bygde hus på denne tomte i 1955. Petter Stølen var snikkar og bygningsmann.

STRANDHEIM bnr. 38 og 39.

Tomta utskild i 1947 med ein parsell frå Gjerde bnr. 1 og ein parsell frå Strømmebruket bnr. 9. Samla skyld 0,02 mark. Eigarane av

*Tandstad Stol- og Møbelfabrikk* kjøpte denne tomte i 1947 og bygde fabrikk. Eigarar var brørne Erling Tandstad (sjå Straumgjerde bnr. 33) og Thomas Tandstad (Sjå Straume under bnr. 16). Dei selde i 1957 til

*Emdal & Co.* ved K. Emdal, (sjå bnr. 20 og 25) som bygde på ei høgde på fabrikk og utvida lageret i 1958. Sjå også bnr. 63.

FJØRTEIGEN bnr. 41 (Ligg-Godt-fabrikk)

Tomta vart utskild frå Slettevoll bnr. 19 i 1948 med skyld 0,01 mark.

*Ligg-Godt A/S* (sjå bnr. 25) med Karl Emdal som disponent kjøpte tomte i 1948 og sette same året opp eit fabrikkbygg av betong i 3 høgder. Fabrikk vart utvida i 1956. Produksjonen er madrassfjører, madrasser og puter. Spesialiteten var «Stjerne-madrassen». Fabrikk ligg like vest for fabrikk på Vonheim bnr. 20- Ligg-Godt A/S endra i 1967 namn til Emco-Møbler A/S.

SOLTUN bnr. 42.

Tomt utskild frå Strømmebruket bnr. 9 i 1948 med skyld 0,01 mark.

*Petter Pettersen Brunstad* frå Jørngarden f. 1911 g.l. 1946 m. Judit Dalen frå Røyde (f. 1916, d. 1969) gift att 1973 med Olga Aure (f. Søyvik 1919, d. -1974). (Sjå Nakkegjerde bnr. 5).

Petter Brunstad bygde hus på denne tomte i 1950.. Han har handelsutdanning og er bokhaldar hjå Hj. Brunstad Fabrikker A/S.

Born: Per f. 1946. Teknikar. Reidun f. 1949. Lisbeth f. 1954.

LUNHEIM bnr. 43.

Utskild frå Gjerde bnr. 1 i 1948 med skyld 0,01 mark. Oluf Olsen Strømmegjerde selde tomte same året til

*Arne Amundsen Tandstad* frå Tandstad Mellom bnr. 5 f. 1915 g. 1947 m. Karen Marie Nilsdtr. Frøysa frå Sunnylvn f. 1919. han er møbeltapetserar. Bygde hus i 1955.

Born: Jon Amund f. 1949. Oddny f. 1951. Nils Dagfinn f. 1955.

BAKKELV bnr. 44.

Eilevbruket bnr. 2 vart delt i 1949, parsellen Bakkely fekk 1,04 mark i skyld med bnr. 44, og gjekk over til

*Ivar Johannessen Strand* frå Eide på Nordmøre f. 1921 g. 1946 m. Oddbjørg Larsdtr. Drabløs frå Eilevgarden i Straumgjerde f. 1917. Dei bygde stovehus i 1949.

Barn: Magnar Jarle f. 1947 g.m. Borgny Fiskerstrand.

Ivar Strand var tidlegare sjømann. Han arbeidde så nokre år på fabrikk, og dreiv også fiskehandel i Sykkylven. Han er no ufør.

VANG bnr. 47.

Utskild frå Bakkely bnr. 44 i 1949 med skyld 0,01 mark.

*Hans Olaisen Strand* frå Ørsta f. 1909 g. 1941 m. Borghild Torgeirsdtr. Vikstad frå Straume bnr. 26 f. 1912, kjøpte tomte i 1952 og bygde hus i 1953. Han har gått på styrmannsskule og handelsskule. Driv no kolonialforretning med butikk i huset.

Born: Olaf f. 1942. Student. Torgeir f. 1947. Froskemannutdanning. G. 1972 m. Gerd Arnesdtr. Haugland, Dale i Sunnfjord. Synneve f. 1950. Butikkdame, g. 1969 m. Norolf Kjøsnes frå Dale i Sunnfjord f. 1944.

DALTUN bnr. 49 og VANG bnr. 50.

Tomtene vart utskilde frå Bakkely bnr. 44 i 1951, kvar med 0,01 mark i skyld.

*H.J. Brunstad Fabrikker A/S* kjøpte desse tomtene i 1951 og bygde seinare eit lagerhus i ei høgd. Sjø også bnr. 28. Eigedomen vart ca. 1960 seld til

*Martin Mehren og Arild Wahlstrøm*, båe Oslo, som bygde på huset ei høgd og skipa ei verksemd med namnet

*Sandella.*

Det var skumgummi denne fabrikkjen laga, og 11 mann var i arbeid frå 1963. I 1967 hadde talet på arbeidarar auka til 28. Eigarar var no fru Olaug Mehren og Hans Preben Mehren. I 1968 bygde eigarane ny fabrikk på Vik, og produksjonen i Straumgjerde vart lagd ned. Sjå Vik bnr. 105.

HØGHEIM bnr. 51.

Tomt utskild frå Enebø bnr. 7 i 1951 med skyld 0,01 mark.

*Per Thomassen Langhaug* frå Stordal f. 1927 g. 1956 m. Johanne Sverresdtr. Giske frå Giske f. 1937 kjøpte tomte i 1956 og har bygt hus,

Born: Sverre Roger f. 1957. Tor Helge f. 1961. Maritta Torhild f. 1967.

HUNNES bnr. 53.

*Kåre Nilssen Hunnes* frå Stangvik f. 1946, salsrepresentant, g. 1968 m. Ingunn Hansdtr. Hole frå Holen bnr. 3, f. 1948, bygde hus i 1971.

Born: Synnøve f. 1969. Øyvind f. 1971.

SELJESETH bnr. 54.

Tomt utskild frå Bakkely bnr. 44 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Hj. Bunstads Fabrikker A/S* kjøpte dette huset til funksjonærbustad. Huset vart bygt i 1953.

NESBU bnr. 56.

Utskild frå Solbakken bnr. 6 i 1957 med skyld 0,01 mark.

*Olav Jakobsen Midtgård*. f. 1917 g. 1944 m. Antonia Amundsdr. Tandstad frå Tandstad Mellom bnr. 5, f. 1918, kjøpte tomte og bygde hus i 1957. Han arbeider i møbelindustrien.

Born: Jostein f. 1947. Kari Anne f. 1950. Vidar f. 1955. Aslaug Olfrid f. 1961.

LUNHEIM bnr. 57.

Utskild frå Solbakken bnr. 6 i 1958 med skyld 0,01 mark.

*Johan Svindseth* f. 1934 g. 1956 m. Brit Olaus Knutsdtr. Hjorthol frå Straumgjerde bnr. 16, f. 1938, kjøpte denne tomte og bygde hus i 1958. Han arbeider i møbelindustrien. Han var interessert fotballspelar og i mange år målvakt i Velledalen og Ringen Fotballklubb.

Born: Kjell Magne f. 1955. Odd Even f. 1963.

ELVEBAKKEN bnr. 58.

Utskild frå Eilevbruket bnr. 2 i 1958 med skyld 0,01 mark.

*Edvin Magne Solsvik* frå Bergen f. 1929 g. 1952 m. Marit Strøm frå Ålesund f. 1927, kjøpte tomte og bygde hus i 1958. Han arbeider i møbelindustrien.

Barn: Else Marie f. 1960.

FRBDLY bnr. 59.

Utskild frå Enebø bnr. 7 i 1959 med skyld 0,01 mark.

*Martin Arnesen Tennøy* frå Vatne f. 1928 g. 1953 m. Jorunn Peltersdtr. Vestre frå Vestrefjord f. 1933 kjøpte denne tomte av Peder L. Strømmegjerde i 1959 og bygde hus i 1961. Martin Tennøy kom til Straumgjerde i 1946 og arbeidde på Lade skofabrikk som nåtlar til 1956 då han byrja som maskinsnikkar hjå Hj. Brunstad.

Born: Rune f. 1954. Geir Palmar f. 1956. Asle Kåre f. 1960. Harald f. 1964.

FLATABØ bnr. 63.

Tomte utskild frå Slettevoll bnr. 19 i 1961 saman med skyld 0,02 mark.

*Emdal & Co.* sette opp ein fabrikk her i 1961. Med dette huset har han fabrikkane på bnr. 20 og bnr. 38. Sjå også bnr. 25.

FJELLTUN bnr. 64.

Tomte vart utskild frå Enebø bnr. 7 i 1961 med skyld 0,02 mark. Peder L. Strømmegjerde selde same året til

*Jon Pettersen Hole Drabtøs* frå Bøtelgarden f. 1922 g. 1955 m.  
Olbjørg Jakobsdtr. Selboskar frå Fjøra f. 1934. Dei bygde hus i 1963.  
Jon Hole Drabløs arbeider på fabrikk.

Born: Eldbjørg f. 1957. Pål Geir f. 1962. Jan Steinar f. 1962.

FAUSATUN bnr. 66.

Utskilt frå Nymarka bnr. 3. Lars P. Grebstad selde tomte i 1958 til  
*Ole Knutsen Fausa* frå Samundgarden på Dravlaus f. 1930 g. 1958 m.  
Åshild Toralfsdtr. Grebstad frå Straumgjerde, Nymarka, f. 1937. Dei  
bygde hus i 1958. Ole Fausa er arbeidsformann ved Emdals Fabrikker.

Born: Gry f. 1961. Knut Tore f. 1968.

MOA bnr. 69.

*Ole Arnfinn Jenssen Bonesmo* frå Nytun bnr. 23 f. 1940 g. 1960 m.  
Jofrid Magnarsdtr. Helset frå Bjørkedalen f. 1939, bygde hus i 1963.

Born: Beate f. 1960. Mette f. 1963,

BAKKETUN bnr. 74.

*Hjalmar Einarsen Lyngvær* frå Aukra f. 1942 g. 1962 m. Anne Elise  
Johansen frå Straumgjerde bnr. 6, f. 1942. Han er lagersjef ved  
Sandella Fabrikker på Vik. Bygde hus i 1966.

Born: Jan Eldar f. 1963. Bjørn Idar f. 1964. Ellen f. 1967.

BJØRKELUND bnr. 75.

*Halldor Toralfsen Grebstad* frå Straumgjerde, bnr. 3 f. 1928 g. 1959  
m. Aashild Aronsen frå Andøya f. 1931. Kjøpte denne tomte av Lars P.  
Grebstad i 1965 og bygde hus i 1966. Halldor Grebstad arbeider på  
fabrikk.

Born: Doris f. 1949. Bo f. 1951. Elisabeth f. 1966.



KORNBERG bnr. 76.

*Lars Kornberg* frå Volda f. 1934 g. 1963 m. Inger Einarsdtr. Lade frå Straumsheim brn. 18, f. 1941. Dei bygde hus i 1966. Lars Kornberg er kontorsjef. Han har vore aktiv idrettsmann med serleg interesse for fotball, og var i mange år ein av støttespelarane i Velledalen og Ringen Fotballblubb (VRF).

Born: Roger f. 1964. Jan Even f. 1967. Janne Elisabeth f. 1967. Lidvar f. 1969.

JARLEBU bnr. 77.

Tomt utskild frå Gylet bnr. 4.

*Leif Jarle Sivertsen Nakken* frå Straumgjerde, Gylet bnr. 4, f. 1940 g. 1965 m. Gunnvor Lorentzdr. Holmen frå Rossfjordstraumen, f. 1944, bygde hus i 1966. Leif Nakken var ute til sjøs i utanriksfart i 4 år, siste tida som båtsmann. Seinare var han i 3 år i MRF. Han arbeider no i møbelindustrien.

Born: Svein Arne f. 1966. Gunnar f. 1969.

JOBU bnr. 90.

Tomt frå Solbakken bnr. 6.

*Jon Birger Johansen* frå Straumgjerde bnr. 6, f. 1947 g. 1970 m. Astrid Jonsdtr. Kjemphol frå Eidem (Tormodgarden) f. 1950. Dei bygde hus i 1971.

Born: Gro Hilde f. 1972. Bård Anton f. 1974,

JANBU bnr. 95.

*Jan Erik Bøchmann* frå Rørvik i Nord Trøndelag f. 1947 g. 1971 m. Eli Thomasdtr. Tandstad f. 1946. Sjøå Straume under bnr. 16. Han er bygningsmann. Jan Erik og Eli Bøchmann bygde hus i 1972.

Born: Ole Christian f. 1972. Jim Eddie f. 1974.

## **Straume, gnr. 24.** [\(Til innhald\)](#)

Namnet har vore skrive Strømme heilt frå 1600-åra og fram til vår tid. Denne forma vert framleis brukt som familienamn av mange. Det offisielle gardsnamnet no er likevel Straume, og det er einerådande i dagleg tale. Også denne forma vert nytta som familienamn.

Garden Straume grensar i sør til Dravlaus si utmark, i vest til Fitjavatnet, i nord til Straumgjerde og i aust mot Straume si utmark med fjellet Straumshornet ovafor. Bytelina mot Straumgjerde var lenge ei krokarend med utbulingar både mot sør og nord. På folkemunn heitte det at somme av desse utbulingane hadde Straume og Straumgjerde bytt frå seg eller til seg mot brennevinsanker. Ca. 1960 var det jordskifte av utmarka på Straume, og bytelina vart då gått opp og fastsett slik ho går frå ein stein som vert kalla Oksen midt i elva Straumen nedafor brua, og i rett line til fjells mot ein stad som vert kalla Trippe og som ligg på fjellrøra noko nord for foten av Straumshornet.

Straumshornet er eit sermerkt fjell, mest 1000 m høgt, og er noko av det første folk flest merkar seg når dei kjem inn Storfjorden til Sykkylven. Sjå Sykkylven i eldre tid I, s. 11. Hans Strøm har i sin «Beskrivelse over Fogderiet Søndmør» i 1766 også skrive ein heil del om dette fjellet. Med sin spisse topp som her vert kalla horn, har det likskap med visse sveitsiske fjell, som også ber «horn» i namnet sitt. Strøm fortel at Straumshornet ligg nær ved garden Straume som har gitt det namn, og at det liknar heilt eit oppståande horn eller ein sukkertopp etter di det er skilt frå dei andre fjella på alle sider, og byrjar alt frå rota å skyte skrått opp til ein mykje høg og smal topp. På avstand synest denne toppen å vere heil, men han er likevel verkeleg tvekløfta, eller avdelt i to spissar, den eine noko høgare enn den andre. Og Strøm har meir å fortelje: — «Dette Field er da overalt brat og steilt, i sær på Nordre Side, som holdes for at være ganske ubestigelig.

Paa Søndre Side falder vel en Opgang, men samme er dog saa steil og vanskelig, at man ikkun veed Exempel paa en eeneste Person, som har vovet at bestige den, nemlig en Bonde frå næstliggende Gaard, som for nogle Aar siden steeg op til den høieste Spidse, og opreisede der nogle Steene til SeiersTegn og Beviis på hans Mandighed. Kort at sige: intet Field hos os gaaer frå nederst til øverst mere spidst og lige op, end dette, — —»

Idag vert vel ikkje toppen rekna så utilgjengeleg som han var i Strøms tid. Men Hans Strøm hadde meir å fortelje om Straumshornet. Nær toppen var det ei djup Hole som vart kalla «Viim-Huulen». Ein gong i tida hadde ei gjetarjente gått seg vill og blitt borte i denne hola, eller slik det heiter hjå oss: vima seg bort. Det er i nyare tid ikkje så mange korkje på Straume eller Straumgjerde som har høyrte noko om Vimshola. Men Anne Emdal f. Strømmegjerde kunne fortelje at geitene hans Gjære-Jørn, som sat som brukar i Eilevgarden i 1870-åra, ofte for inn i Vimshola der dei fann ly for veret. Difor måtte Jørn ofte til Vimshola for å hente geitene heim.

Den gamle postvegen frå Straumgjerde kom ned ei bratt braut ovafor Larsløa til nordaustre ende av Fitjavatnet. Ved vegomlegginga i slutten av 1800-åra kom denne brauta bort. Vegen vart då lagd lenger ned dit riksvegen ligg no, og kom så inn att på den gamle postvegen ved enden av vatnet. Postvegen gjekk vidare nordover langs vatnet med små og store bakkar. I 1920-åra vart vegen om lagd langs vatnet. Vegen vart no heilt flat, steinsett og breiare heilt til Dravlaus, utstyrt med stabbesteinar, og jamvel ein vakkert tilhogd firkanta stein med utmeisla drikkekar på Dravlausstranda og med rennande vatn i røyr frå Brennevinsgrova.

Straume er ein gammal gard. Funn i jorda tyder på at her var busetting alt i steinalderen (Sykkylven i eldre (bd s. 57 og 65)). Det er lite truleg at garden låg øyde etter Svartedauden. Tiende-penninglista frå 1520 har to brukarar på Straume. Det er Birgitte på Strøm og Ole. Først på 1600-talet ser det ut til å vere 3 bruk på Straume. Det auka til 4 frå ca. 1611, og slik har det vore heilt fram til notida. Det vart utskilt nokre plassar utover i 1800-åra, og etter at industrireiseinga skaut fart har fleire tomter med nye bustadhus kome til.

Straume var småbytt til 1835 då det vart halde jordskifte på innmarka. Sorenskrivar Krogh styrde retten, og elles var desse med: Martinus Pedersen Dravlaus, Klaus Amundsen Hole, Hans Ras-

mus Hanssen Gjerde (Straumgjerde), og Bernt Knutsen Vik. Etter tida var det eit radikalt skifte. Sølmonbruket, Jobruket og Fausabruket fekk sine bruk utlagde i 2 hovudstykke, og Larsbruket i 3. Slik var det til det kom nytt jordskifte av innmarka i 1914 med overskifte i 1915. Bruka vart då slik dei ligg i dag. Fausabruket lengst i sør med sitt i eitt stykke, og med Jobruket på nordsida av Fausabruket. Så fylgjer Sølmongarden, og til slutt Larsbruket ut mot bytet til Straumgjerde. Dei tre sistnemnde bruka har i tillegg kvar sitt stykke i Straumsstranda ned mot Fitjavatnet.

Det var ikkje store mengder langhøy å hauste på Straume før i tida. Peder Larssen Strømme i Jogarden f. 1896 fortel at då foreldra hans tok over bruket i 1890, var tyngda av langhøyet på den garden det mor hans slo langs utmarksgarden. Der laga det seg ei grøn remse av gjødselvatnet som seiv ned frå råsa og dyre-trakket like ovafor i utmarka. Vintergjødsla gjekk til åkrane som også på Straume hadde den beste marka. I Jogarden låg åkrane nedafor husa mot vegen. Fausafolket hadde åkrar frå vegen og nedover til vatnet. Nord for Sølmonhammaren med vegsvingen på Straume hadde Larsfolket åkrane sine, både ovafor vegen og nedafor. Sølmonbruket hadde største åkrane sine ovafor Sølmonløa. Drivvatn til trusking tok Straume frå bekken ovafor huset til Arne Flaate (bnr. 5). Dei grov veite og leidde vatnet sørover til geila som gjekk frå gamletunet til utmarksgarden. Og så kom det ned geila. Her vart så vatnet bægt først inn på Sølmonbruket sitt vasshjul som hadde snor nord til truskemaskinen i deira løe. Deretter gjekk same vatnet ned til Johjulet som hadde snor sør til Jøløa. Så fylgde Larshjulet med snor tvers over postvegen til Larsløa. Fausahjulet kom nedst og stod eit kort stykke sør om huset til Nikoline Ullahammar. Frå hjulet gjekk det snor til løa som stod så kloss inn til postvegen at dalekarane ofte sneia løstaven når dei køyrde forbi med lass. Kvernane sine hadde Straume i Riksheimelva.

Utmarka med skogteigar og sommarhamn for buskapen ligg i bergsida aust for garden. Den nordlege delen som grensar mot Straumgjerde er brattlendt og har mykje storgrytt ur. I midtpartiet ligg Grønbakkgylet med Høgghammaren under. Der er det også skrapmark og fonnhevt. Høgghammaren går i sør over til Kleiva som ligg aust for Fausahusa. Buråsa til den sørlege delen av hamnegangen går opp mellom Kleiva og Høgghammaren, og er truleg blitt til med hjelp frå menneskehender som har laga trippe

opp brattaste hammarsnyfsa, slik at dyra lettare kunne fote seg. Denne buråsa opnar veg til den beste delen av heimehamna som strekkjer seg sørover til bytet mot Dravlaus. Skogen var bytt i smale teigar frå gamal tid. I 1920-åra heldt oppsitjarane på Straume eit frivilleg skifte av skogteigane med hjelp frå Nils Johan og Karolus Drabløs. Offentleg skifte av utmarka med skogteigar kom så ca. 1960, og utmarka vart no utlagd til eigedoms grunn. Etter den tid har det også kome fart i skogplantinga.

Straume har god seter i Straumsdalen saman med Straumgjerde og dei tre Tandstad-gardane. Få Hindaholen hadde dei stølsstykke som dei slo fram til 1900-åra. Dei flesle brukarane på Straume har no laga seg kulturbeite, m.a. i stykka dei har i Straums-stranda aust for Fitjavatnet, men småfeet gjer seg framleis nytte av dei gode fjellbeita i setremarka.

Gamletunet på Straume låg like sør for Sølmonhammaren og hadde midtpunktet om lag der stova til Nikoline Ullahammar står no. Strømme med Ødegaard vart «afbrent» i 1678 står det i ei skatteliste frå denne tida, og det tyder vel i røynda at heile den vesle husklyngja har gått opp i logar. Husa stod tett inn på kvarandre heilt fram til 1880 — 1890-åra. På vestsida av post-vegen låg Larsløa og eit par mindre hus, resten låg på austsida. Frå tunet gjekk det geil for buskapen i austleg retning til utmarka og heimehamna. Der geila gjekk, er det no gardsveg. Fausastova vart flytt vest om vegen i 1860-åra, men Sølmon-tunet var det første som flytte ut frå klyngja. Etter tradisjonen var dette i 1881. Brukaren fann seg ny tuft eit stykke lenger nord, oppe på Sølmonhammaren. Stova står framleis. Løa sette han opp om lag der nyestova på Sølmonbruket står no. Jotunet flytte ut ca. 1894. Husa her kom lenger aust og høgre opp i bakken. Larshusa og Fausahusa vart ståande lengst i gamletunet. I siste halvparten av 1920-åra sette dei to brukarane opp nye hus på stykka sine slik dei vart utlagde etter jordskiftet i 1916: Larsbruket nord mot bytet til Straumgjerde, Fausabruket 2— 3 hundre meter sørover.

Næringsgrunnlaget på Straume har vore åkerbruk og feal heilt fram til 1950-åra då fleirtalet av gardsfolket vart knytt til industrien etter som industrireisinga i grenda skaut fart og det kom til nye hus og heimmar. Men fleirtalet av dei gamle hovudbruka på garden er framleis i god drift. Det gjeld først og fremst fealet. Korndyrkinga har minka heilt bort. Der er også dei som kombi-

nerar gardsdrifta med industriarbeid. Larsbruket ligg no øyde etter at eigaren og brukaren omkom i ei bilulykke i 1972. Større deler av bruket er selt til byggefelt.

Fisket har også spela ei stor rolle for levemåten ned gjennom tida. Heilt fram til 1900-åra var det fast regel at dei fleste karar dreiv vinterfiskja. Dei stasjonerte oftast på Valderøy og Godøy. Elles om året dreiv dei fleste på Straume heimefiske i fjorden. Nausta var vel utstyrde med både garn og kastenøter, og det baud ikkje på store vanskar å halde grytene med kokefisk. Det hende også at karane tok nøtene og kasta etter laksen og auren i Fitja-vatnet. Det var ikkje skikken å sjå etter mauskevidda den tida. Borna på garden hadde det som ei nyttig tidtrøyte å prøve med makkelineer etter auren. No har dei fleste brukarane gått over til garnfiske i Fitjavatnet.

Straume har også vorte handelssentret i krinsen. Den første butikken ein kjenner til på Straume, var opna i littlestova til Fausa-huset ca. 1880, men handelsmannen flytte nokre år seinare til Tørgjerbuda som stod like nord for vegskilet til Straumsheim. Fram gjennom 1900-åra var det lenge handel i Langelandhuset på Bergane. Her var det fleire handelsmenn. Langeland dreiv også hotellverksemd i huset sitt. Ein av dei som byrja handel i Langelandhuset, Reinhardt Dalseth, bygde hus ved sida av Langelandhuset, og Dalseth og kona dreiv både landhandel og gjestgiveri. Versonen Inge Strømme har no teke over landhandelen. Versonen til Langeland, Bjarne Drabløs, byrja også landhandel i huset til verfare, men bygde seinare stort og moderne forretnings- og bustadbygg på andre sida av riksvegen. Sonen Kjetil Drabløs har teke over denne forretninga. Elles har Hans Strand sett opp forretnings- og bustadhus, sameleis Thomas Tandstad. I dette huset har Sykkylven Sparebank opna filial. Oskar Heltne bygde ny kiosk i 1974. På Straume er også underpostkontoret som framleis ber namnet Straumgjerde etter opphavsstaden. I det heile har nordre delen av Straume med forretningar, gjestgiveri, underpostkontor, stoppeplass og ekspedisjon for rutebilane blitt det naturlege midtpunktet i grenda, og har på den måten teke over den rolla grannegarden Straumgjerde hadde i første halvdel av 1900-åra.

Om Eigargar og Matrikkelgarden sjå under Straumgjerde gnr. 23.

## BRUKARAR.

### SØLMONGARDEN bnr. 1.

*Ole*, br. 15.—ca. 1606.

*Knut Olsen Strømme* br. ca. 1606 -- ca. 1640.

*Ole Knutsen Strømme* f. ca. 1615.

Br. ea 1640—ca.1680.

Han skatta i 1658 av 1 hest, 10 kyr, 4 geiter og 6 sauer. I 1668 vart *Ole* stemd for retten av Iver Jensen Barnsbild ved fullmektigen Christen Vendelbo for ein gjeld på ½ rdl. Våren 1667 hadde det vore dyrtid og «ingens steds her på stedet var korn at bekomme.» *Ole Knutsen* hadde då borga noko såkorn av Iver Jensen Barnsbild i Laurvig og han hadde hatt vanskar med å betale gjelden. Retten dømde han til å betale pengane innan 14 dagar. *Ole* brukte 3 mællag. I 1678 brann husa på Straume, og ein må rekne med at *Ole* var mellom dei som leid tap.

Sonen

*Rasmus Olsen Strømme* (f. ca. 1657, d. 1693) g.m. Marit Sivertsdtr.

Br. ca. 1680—ca.1694.

Enkja truleg gift att med

*Sivert Olsen Strømme* (f. ca. 1654).

Br. ca.1694—1715.

*Peder Jakobsen Strømme*, (f. ca. 1687, d. 1740) g.m. Siri Larsdtr. f. ca. 1686, d. 1768).

Br. 1715—1747,

Bygselsetel i 1715 frå Christopher Abelset. I 1726 er det nemnt at Peter hadde broren Jon Jakobsen på Dravlaus.

Sonen

*Salmund Pedersen Strømme* (f. 1721, d. 1780) g. 1747 m. Berte Pedersdtr. Ekornes (f. 1725, d. 1813).

Br. 1747—1777.

*Salmund* fekk bygselbrev i 1747 frå Jens Abelset på 3½ mællag. Bruket har fått namn etter *Salmund*.

Versonen

*Ole Olsen Strømme* g. 1777 m. Siri Salmundsdtr. *Strømme* (f. 1753, d. 1823). Br. 1777—ca.1779.

Alt i 1707 høyrer ein om ein *Ole Olsen Strømme* at han dreiv handelsverksemd, men det er ikkje visst om det er denne mannen som seinare vart gift med Siri. I 1775 vert *Ole Olsen Strømme* stemnd for retten. Han hadde overfalle *Ole Olsen Hjelle* ved silde-

nota «med skildsord, jordskuf og slagsmål». Bygselsetel fekk Ole Olsen i 1777 på 2 pd. 19½ mrk. frå Ebbe Carsten Tønder. Ole dreiv også fiske, og i åra utetter kom han på fantevegar. Saman med eit par andre karar, ein frå Grebstad og ein frå Riksheim hadde Ole stole ein del varer. Dei to felagane hans vart knipne og fekk hard straff. Dei miste alt dei åtte, vart dessutan piska, og den eine vart dømd til å arbeide i jarn i næraste festning på livstid. Ole Olsen Strømme rømde då saka kom opp, og under eit rettsmøte i 1786 vert opplyst at ingen hadde høyrte noko frå han i dei 7 åra som hadde gått sidan dette hende. Det har heller ikkje vore mogleg å finne dødsåret til denne mannen i kyrkjeboka. Men det heiter her at kona er enkje då ho i 1781 gifte seg opp att med

*Ole Olsen Hjelle* (f. 1746, d. 1823).

Br. 1780—1811.

Bygselsetel i 1780 på 2 pd. 19½ mrk. frå Ebbe Carsten Tønder. Ole var lagrettemann i f. 807. Bruket hans vart i 1802 verd-sett til 151 rdl.

Sonen

*Salmund Olsen Strømme* (f. 1781, d. 1846) g. 1813 m. Gjertrud Johannesdtr. Tandstad frå Johannesgarden (f. 1785, d. 1866).

Br. 1811 — 1836.

Salmund var skulehaldar i Sykkylven kring 1807 og framover til han gifte seg. Han var såleis mellom dei som skreiv i «Annal for skoleholdere» frå 1807, truleg det første skulebladet i landet. Det er no på Sunnmøre Museum. Sjå stykke nr. 7 og 11. Salmund Olsen fekk bygselsetel frå prostinne Tønder i 1811. Han er nemnd som lagrettemann i 1820. Så tidleg som i 1822 la han av eiden til konstitusjonen og fekk stemmerett. I Salmund si brukstid var det jordskifte over innmarka på Straume (1835). Skiftebuet hans i 1847 hadde 143 spd. i brutto eige, og gjelden var 70 spd.

Versonen

*Peder Pedersen Andestad* frå Pegarden bnr. 3 (f. 1812, d. 1895) g. 1834 m. Kristiane Salmundsdr. Strømme (f. 1812, d. 1904).

Br. 1836—1880.

Han fekk bygselsetel av fru Baade i 1836 og sat som bygselmann til han i 1845 løyste ut garden for 191 spd. og vart sjølveigar. Men han måtte setje seg i stor gjeld for å greie dette. Den gamle skylda på Sølmonbruket 2 pd. 19½ mrk. vart ved den nye skyldsettinga i 1838 endra til 2 dlr. 15 skl., rev. 1890 til 3,50 mark.



I 1875 var buskapen 1 hest, 7 kyr, 3 ungdyr, 16 sauer og 1 gris. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4½ t. havre og 2 t. poteter. Sonen

*Peter Pedersen Strømme* (f. 1849, d. 1905) g. 1875 m. Susanne Jakobsdtr. Strømsheim (f. 1855, d. 1940),

Br. ca. 1880—1905.

Born: Ingeborg f. 1877, g. på bruket. Petter f. 1882. Utvs. nr. 823. Lauritz f. 1889. Utvs. nr. 821. Martin f. 1892. Utvs. nr. 822. Peter Pedersen fekk skøyte frå far sin i 1894 for 2.300 kroner og kår, men han hadde då brukt garden i mange år. Alt i 1881 kjøpte han ei stove på Skorgenes i Romsdal og flytte henne til Straume der han bygde henne opp att på Sølmonhammaren. Denne stova var i bruk til 1960-åra. Gamlestova selde han til Teigen på Riksheim. Peter Pedersen dreiv også torskefiske. Versonen

*Ole Sivertsen Strømme* frå Teigen bnr. 8 i Straumgjerde (f. 1879, d. 1969) g. 1905 m. Ingeborg Petersdtr. Strømme (f. 1877, d. 1950).

Br. 1905-1944.

Born: Petra f. 1906 g.m. Martin Roald. Solveig f. 1907 g.m. Bjarne Myklebust. Theodor f. 1909. Utvs. nr. 820. Kristine f. 1912 g.m. Per Roald. Olivia f. 1914 g. på bruket. Julie f. 1910 g.m. Martinus Høydal. Sjø Straume bnr. 22. Susanne f. 1918. Utvs. nr. 819. Karen f. 1920 g.m. Arne Rørvik. Olga f. 1922 g.m. Tarald Håvet. Sjø Straume bnr. 32.

Ole Sivertsen dreiv fiske før han i 1900 reiste til USA. Utvs. nr. 857. Han kom heim att i 1905, gifte seg og fekk skøyte på Sølmonbruket av stykmor si for 2.800 kroner og kår. I 1907 bygde Ole ny løe, og reiste så i 1909 til USA att. Han kom heim for godt i 1912. I 1914 var det jordskifte av innmarka på Straume. Ole har lagt ned mykje arbeid på bruket. Han har dyrka det godt opp og fødde 1 hest, 7 kyr, nokre ungdyr og 10 — 12 sauer den tida han dreiv det på det beste. I 1929 kjøpte han eit stykke av Larsbruket bnr. 3 for 2.400 kroner. Dette stykket fekk bnr. 15 med 0,25 mark i skyld, men vart slege saman med Sølmonbruket til eitt bruk, bnr. 1. Versonen

*Olai Paulsen Kleppe* frå Gurskøy f. 1913 g. 1941 m. Olivia Olsdtr. Straume f. 1914.

Br. frå 1944.

Born: Oddveig f. 1943 g.m. Alfred Josefsen. Inghild Olaug f. 1940 g.m. Aksel Bøe. Sjå bnr. 46. Sigmund Paul f. 1952.

Olai Kleppe bygde nytt stovehus i 1955, og reparerte og bygde om løe og fjøs i 1968/69. Ved sida av arbeidet med bruket arbeider han på fabrikk.

JOGARDEN bnr. 2.

*Ole*, br. 15.—ca. 1617.

Ein Ole på Strømme var mellom dei lagrettemennene som saman med Helge på Strømme (bnr. 4) var tingsvitne i 1577 i saka om arvegodset Straume og Ramstad. Men det er uvisst om det var denne Ole i Jogarden eller om det var Ole i Sølmondgarden (bnr. 1).

*Jakob Olsen Strømme* (br. ca. 1617 —ca. 1670), fekk ca. 1612 eit barn med tremenningen sin, Ragnhild (Randi) Olsdtr. Strømme. Dersom ho er dotter til Ole i Sølmondgarden og Jakob er son til Ole i Jogarden, må det vere nært slektskap mellom dei to familieane. Jakob og Ragnhild fekk ekstra hard dom for dette barnet p.g.a. slektskapet. Båe to vart landsforviste. Foreldra til Jakob måtte dessutan bøte med 12 rdl. for sonen. (Eit kuverd var ca. 3 rdl.). Randi Olsdtr. var så fattig at ho ikkje hadde noko å betale bot med, så bota slapp ho. Ca. 1617 dukkar det opp att ein Jakob Olsen Strømme på dette bruket, og ein må tru det er same personen, og at domen er blitt omgjord. Han åtte 2 mællag jord i 1625, og skatta i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 4 geiter og 6 sauer. Han var gift, og hadde både ein son og ei dotter i 1645.

Etter Jakob kom

*Mikkel Rasmussen* f. ca. 1615.

Br. ca. 1660—1685.

Han var son til Lisbet Steinsdtr. og Rasmus som truleg var son til Sjur Torkjellson på Hegebostad. Lisbet som åtte m.a. Straume og Straumgjerde, gifte seg opp att med Hallstein Olsen i Straumgjerde. (Sjå om han under Straumgjerde). Det vart uvenskap og tvist om gardsbruket mellom Hallstein og dei to styksønene Mikkel og Steinar. Hallstein vann i denne saka. Mikkel brukte 3 mællag på Straume i 1666.

Sonen

*Ole Mikkelsen Strømme* (f. ca. 1652, d. 1740) g.m. Gunnhild Jetmundsdtr. (f. ca. 1650, d. 1731).

Br. ca. 1685—ca.1722.

Han brukte 3½ mællag. Ole hadde ein son Mikkjel som flytte til Tu og tok over bruk der. Ein annan son tok over dette bruket på Straume. Det var

*Rasmus Olsen Strømme* g.m. Anne Knutsdtr.

Br. ca. 1722—ca.1732.

Dei flytte truleg frå Straume først i 1730-åra.

Etter Rasmus kom

*Ole Knutsen Korsbrekke* (f. ca. 1698, d. 1750) g. 1733 m. Kari Olsdtr. Strømme (f. ca. 1686, d. 1749).

Br. 1732—1750.

Ole fekk bygselsetel frå Jens Abelset på 3½ mællag i 1732. I 1745 lyste Ole. Knutsen i kull og kjønn to born han hadde utafor ekteskap. Det var Ingebrigt som han hadde med Kari Ingebrigtsdtr. Kjølås, og Kari som han hadde med Kari Jokumsdtr. Åsen i Sunnylvn.

Etter Ole kom sonen

*Ingebrigt Olsen Strømme* (f. ca. 1727, d. 1775) g. 1752 m. Anne Ellingsdtr. Tandstad frå Pålgarden (f. 1725, d. 1791).

Br. 1751 — 1767.

Bygselsetel frå Jens Abelset på 3½ mællag i 1751. Det fylgde vanskelege år, serleg var det hardt i 1760-åra då omfram-skatten låg som ei mare over bøndene. I 1707 ser det ut til at Ingebrigt måtte gi frå seg halve bruket, og i 1768 var han komen i den største fattigdom til liks med fleire andre i bygda. Sjå under Lyshol bnr. 3, Anders Sjursen. I 1773 gav han frå seg også den andre halvparten av garden, og han fekk festesetel på ei hustomt for 3 ort i årleg 1 eige, og vart husmann. Skiftebuet etter Ingebrigt i 1775 var fallitt.

Etter Ingebrigt kom

*Jan Knutsen Strømsheim* f. (Drotninghaug ?) 1737, d. 1802 g. 1768 m. Anna Paulsdtr. Vik d. 1800, då 65 år gamal.

Br. 1767—1794.

Bygselsetel i 1767 på halve bruket, 1 mællag 15½ mrk. Seinare bygsla han også resten. Skiftebuet etter Jan i 1802 var fallitt.

Versonen

*Gunder Olsen Vindsnes* (f. 1761, d. 1796) g. 1793. m. Lene Jansdtr. Strømme (f. 1768, d. 1814).

Br. 1794—1796.

Bygselsetel frå C. M. Abelset i 1794 på 3¾ mællag. Skiftet

etter Gunder i 1796 synte ei brutlo eige på 54 rdl., og ein gjeld på 30 rdl. Enkja Lene Jansdtr. gifte seg att i 1796 med

*Erik Nilssen Leira* (f. 1759, d. 1818).

Bygselbrev i 1798 frå C. M. Abelset på 2 pd. 19½ mrk. Bruket vart i 1802 verdsett til 151 rdl. Skiftebuet etter Lene Jansdtr. hadde i 1814 ei brutto eige på 3 rdl. Gjelden var 1 rdl. Erik Nilsen Strømme gjekk over på kår i 1804 og let bruket over til

Lars *Larssen Brunstad* frå Bøen (f 1780, d. 1849) g. 1804 m. Marte Berntsdtr. Erstad (f. 1784, d. 1861).

Br. 1804—ca. 1830.

Bygselsetel i 1804 frå C. M. Abelset si enkje på 3½ mællag. Lars sat som bygselmann til 1818 då han løyste ut bruket for 130 spd. og fekk skøyte frå T. B. Nicoll. I 1822 vart det halde ein takst på bruket med Guttorm Johansen Tandstad og Rasmus Olsen Strømmegjerde som taktsmenn. Bruket vart då verdsett til 150 spd. og husa til 100 spd. Lars Larssen Strømme er nemnd som lagrettemann i 1827.

Sonen

Lars *Bernt Larssen Strømme* (f. 1805, d. 1850) g. 1824 m. Else Pernille Pedersdtr. Andestad (f. 1805, d. 1900).

Br. ca. 1830-1860.

I 1835 var det jordskifte over innmarka på Straume. Den gamle skylda på bruket, 2 pd. 19½ mrk. vart ved den nye skyldsetinga i 1838 endra til 2 dlr. 15 skl. Sånaden var i 1845 ½ t. bygg, 2- bl.korn, 4 t. havre og 1 t. poteter. Buskapen var 1 hest, 7 kyr, 10 sauer og 4 geiter.

Sonen

Lars *Petter Larssen Strømme* (f. 1831, d. 1900) g. 1860 m. Nikoline Bergitte Karolusdtr. Dravlaus (f. 1831, d. 1895).

Br. 1860—ca.1890.

Born: Lars Karl f. 1862 g. på bruket. Hans f. 1865 g.m. Lovise Jensdtr. Strømmegjerde. Sjå bnr. 5. Johanne *Marie* f. 1870 g.m. Mathias Petersen Aursnes. Bnr. 1.

Bruket var i 1864 på 28 mål dyrka åker og eng, og 59 mål naturleg england. Buskapen var i 1875 1 unghest, 6 kyr, 2 ungdyr, 14 sauer. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4½ t. havre og 1 t. poteter. Skylda, 2 dlr. 15 skl., vart ved den nye skyldsettinga i 1890 revidert til 3,50 mark. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Lars Petter med krøterhandel.

Lars *Karl Larssen Strømme* (f. 1862, d. 1946) g. 1887 m. Olave

Jensdtr. Brunstad frå Gunnagarden (f. 1865, d. 1930).

Br. ca. 1890—1937.

Born: Peter f. 1888, d. 1898. Nikoline f. 1892. Sjø bnr. 12. Peder f. 1896 g. på bruket. Utvs. nr. 818. Ole f. 1890. Utvs. nr. 817. Jens Petter f. 1901. Utvs. nr. 815. Anna f. 1904 g.m. Frantz Leira frå Hjørundfjord. Sjø Vik under bnr. 6. Birger f. 1909 g.m. Sofie Pettersdtr. Honningsvåg frå Selje. Sjø Vik bnr. 12.

Lars tok over bruket i 1890 og flytte i åra som fylgde både stova og løa frå gamletunet og opp i bakken lenger aust. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Lars sjøen i denne tida og åtte båt saman med Ole Strømmegjerde og Jens Tandstad. I 1913 reiste Lars til USA og arbeidde i skogen eit par år. Utvs. nr. 816. Straume hadde jordskifte på innmarka i 1914, og i åra som fylgde la Lars ned mykje arbeid med jorddyrking og planering. Han fødte 1 hest, 5—6 kyr, nokre ungdyr og 14—15 sauer. Olave Jensdtr. gjekk husmorskulen på Egset i Volda i unge år.

Sonen

*Ole Larssen Strømme* f. 1899 fekk skøyte på bruket i 1920 for 3000 kroner og kår, men i 1923 reiste Ole til USA. Utvs. nr. 817. Det vart såleis framleis foreldra som dreiv bruket på Straume, men Ole sende heim pengar til nytt hus som far hans sette opp i 1926. I 1937 let Ole frå seg bruket til broren

*Peder Larssen Strømme* f. 1896 g. 1920 m. Emma Karolusdtr. Drabløs frå Karolusgarden f. 1896.

Br. 1937—1968.

Born: Magnus, f. 1921 g.m. Martha Hansdth Masdal frå Vartdal. Sjø Indre Fauske bnr. 9. Oddlaug f. 1938. Lars Karl f. 1939, g. på bruket.

Peder Larssen dreiv fangst på ishavet og var dessutan fiskar til han i 1922 reiste til USA. Utvs. nr. 818. Då han keim heim, kjøpte han først Nilsplassen bnr. 9 på Indre Fauske og dreiv denne plassen til 1937. Då tok sonen Magnus over, og Peder og Emma flytte til Jogarden på Straume. Skøyte frå Ole Larssen i 1938 Dei bygde ny løe i 1960, har modernisert stovehuset og dyrka garden godt opp. Peder har vore interessert i hesteal og han var i mange år forvert for lagshingsten i bygda. Dessutan har han sysla med kjøp og sal av hest. Han og Emma har også ale fram ein svært gild buskap av mjølkekyr som i fleire år var mellom dei beste i bygda. Emma har tre gonger fått diplom frå Sunnmøre Meieri for godt mjølkestell,

Sonen

*Lars Karl Pedersen Strømme* f. 1939 g. 1967 m. Astrid Margrethe Severi frå Vestre Jakobselv f. 1943.

Br. frå 1968.

Born: Anita f. 1968. Leif Arne f. 1973.

Lars Karl fekk skøyte på bruket i 1968. Han arbeider på fabrikk,

### LARSBRUKET bnr. 3.

Dette bruket er nemnt i skattelistene første gang i 1611. Første brukaren ser ut til å vere

*Iver Helgesen*, br. 1611 -ca.1640.

Han skatta som husmann i 1611, seinare likt med dei andre gardmennene på Straume. Etter 1640 sat enkja med bruket eit par år. Så kom

*Lars Paulsen* f. ca. 1611,

Br. ca. 1643—ca. 1694.

Han la kvegskatt i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 2 geiter og 2 sauer, og brukte 3 mællag i 1665. I Lars si brukstid brann husa på Straume (1678).

*Lars Larssen Strømme* f. ca. 1655,

br. 1694—ca.1720, fekk bygselsel på 1 våg i 1694 av Margrethe Lagesdtr. Abelset. I 1701 var Lars «sengeliggende og lemlestet», men han hadde bruket i tida utetter. Han hadde truleg ei dotter Berte Larsdtr. som ca. 1718 vart gift med

*Hans Ingebrigtsen Ous* frå Stranda f. 1658, og det kan vere mogleg at han har brukt garden saman med verfar sin Lars Larssen nokre år.

Så kom

*Lars Ellingsen* som fekk bygselsetel i 1720 på 3¼ mællag frå Jens Abelset,

Lars sat som brukar til 1741. Då kom

*Lars Larssen Strømme* (f. ca. 1718, d. 1778) g.l. m. Berte Pedersdtr. Ekrol (f. ca. 1709, d. 1749) g.2. 1749 m. Borni Sjursdtr. Gjerde (f. Nakkegjerde 1720, d. 1788).

Br. 1741 — 1776.

Bygselseel frå Jens Abelset i 1741 på 3¼ mællag. Skiftelovet etter Lars og Borni i 1788 synte ei brutto eige på 4 rdl. Gjelden var 1 rdl.

Sonen

*Lars Larssen Strømme* (f. 1750, d. 1823) g.1. 1774 m. Guri Andersdtr. Strømsheim (f. 1747, d. 1775) g.2. 1777 m. Berte Olsdtr. Kjemphol frå Ingarden (f. 1746, d. 1782) g.3. 1783 m. Guri Jørgensdtr. Hellen (f. 1755, d. 1828).

Br. 1776—1807.

Bygselbrev frå Christen Møller på 3¼ mællag i 1776. Skiftebuet etter Lars i 1823 hadde ei brutto eige på 293 spd. Gjelden var 25 spd.

Sonen

*Jan Larssen Strømme* (f. 1778, d. 1850) g. 1810 m. Tyri Hansdtr. Fauske (f. 1787, d. 1857).

Br. 1807 — 1843.

I 1807 løyste Jan Larssen ut garden av Abelsetfamilien for 150 rdl. og vart sjølveigar. Men han måtte låne heile kjøpesummen, og det vart hardt å greie gjelden. I 1832 selde Jan garden for 153 spd. til Ole Andreas Christensen Sorte som i 1812 gifte seg med Jan si syster, Guri Larsdtr. Jan vart sitjande som bygselmann til han gav frå seg bruket i 1843. I 1820-åra var Jan lagrettemann. Det var jordskifte over åker og bømark på Straume i Jan si brukstid (1835). Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 2 pd. 19½ mrk., endra til 2 dlr. og 15 skl.

Etter Jan kom sonen

*Lars Bernt Jansen Strømme* (f. 1814, d. 1887) g. 1840 m. Julianne Elisabet Knutsdtr. Kjemphol frå Ingarden (f. 1818, d. 1872).

Br. 1843 — 1873.

Lars la kår til foreldra sine. Bygselbrev 1843 frå Ole Christensen Sorte. I 1845 fødde Lars Bernt 1 hest, 7 kyr, 10 sauer og 4 geier. Sånaden var ½ t. bygg, 2 t. bl.korn, 4 t. havre og 1 t. poteter.

Born: Johanne Marie f. 1843 g. på bruket. Guri f. 1851 g. til Riksheim. Eline Olave f. 1855. Tomas Bastian f. 1860. Sjå Grebstad bnr. 2.

Etter Lars Bernt kom versonen

*Nils Jakobsen Klokkehaug* frå bnr. 1 (f. 1847, d. 1919) g. 1873 m. Johanne Larsdtr. Strømme (f. 1843, d. 1926).

Br. 1873—1903-

Han løyste ut garden for 600 spd. av Christen Olsen Sorte og fekk skøyte i 1873. Men alt i 1875 selde Nils Jakobsen halve garden for 275 spd. til Bastian Olsen Aurdal som same året gav bygselsetel på denne halvparten til Nils. Han brukte såleis heile

Larsgarden, men åtte berre halvparten. Ved sida av å vere gardbrukar arbeidde Nils som snikkar.

Buskapen i 1875 var 1 unghest, 7 kyr, 3 ungdyr, 13 sauer og 1 gris. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4 t. havre og 2½ t. poteter. Skylda på bruket, 2 dlr. og 15 skl., vart i 1890 revidert til 3,44 skyldmark.

Nils og Johanne hadde ikkje born, og systerdotter til Nils og hennar mann tok over bruket etter dei. Det var

*Johan Jakobsen Strømsheim* frå Olagarden (f. 1867, d. 1954) g 1899 m. Anna Karlsdtr. Brunstad frå Bø-Knut-garden (f. 1878, d. 1957).

Br. 1903—ca.1950.

Born: Nilla f. 1900, d. 1931, Jens f. 1903. Utvs. nr. 813. Petter f. 1905. Utvs. nr. 814. Kasbar f. 1920, tok over bruket.

Johan Jakobsen arbeidde i unge år hjå O. A. Devold i Langevåg. Han dreiv også bygningsarbeid ei tid. Frå han i 1903 tok over Larsgarden, la han kår til Nils og Johanne Strømme. Johan sat på bygsel til han i 1911 fekk skøyte på bruket for 2.900 kroner frå Nils Jakobsen Strømme som åtte den eine halvparten og frå Peter Knutsen Aurdal som hadde ervt den andre halvparten etter verfar sin Bastian Olsen Aurdal i Andersgarden. Buskapen i Larsgarden var i denne tida 1 hest, 5—6 mjølkekyr, 2—3 ungdyr og 12 sauer. I 1914 var det jordskifte av innmarka på Straume, og Larsbruket flytte ut frå gamletunet og lenger nordvestover mot bytet til Straumgjerde. Johan bygde ny løe her i 1924 og nytt stovehus i 1928, og la ned mykje arbeid med jorddyrking. Prisane på landbruksvarer var låge i 1920-åra og det vart vanskeleg for Johan å greie gjelden som husbygginga drog etter seg. Dottera Nilla fekk i 1929 auksjonsskøyte på Larsbruket for 11.060 kroner og ho hjelpte til i arbeidet med garden så lenge ho levde.

Bror hennar tok seinare over bruket. Det var

*Kasbar Johansen Straume* (f. 1920, d. 1972).

Br. frå ca. 1950.

Han fekk skøyte i 1934 for 5000 kroner, og dreiv med saueal. Ved sida av å vere gardbrukar arbeidde Kasbar Straume på fabrikk. Han omkom i ei bilulykke på Tandstad 9. desember 1972.



MYREPLASSEN eller ØGGAPLASSEN.

Plass under Larsbruket. Plassen vart i 1865 kalla Myra og i 1875 Hageplassen. I dagleg tale vart han kalla Myreplassen eller Øggaplassen.

*Ole Jetmundsen Strømsheim* (f. på Frøland i Hjørundfjord 1827, d. 1900) g. 1856 m. *Else Hansdtr. Midtgård* (f. 1819, d. 1887). Ho var dotter til ekteparet *Bergitte Andersdtr. f. Midtgård*, og *Hans Pedersen Wold* som i 1816 skreiv seg for Wold eller Gjævenes, bustad Gjævenes, og seinare *Midtgård*. Han kom frå Tresfjorden, der ein finn han i 1801. Bygdefolket i Sykkylven kalla han Sagar-Hans.

Ole Jetmundsen og Anne hadde eit barn, *Anne Marie Eline* f. 1857 g. på bruket.

Han kom til Teigen på Straumsheim som barn saman med far sin *Jetmund Olsen Tvergrov*. Ole bygsla Øggaplassen ca. 1860 og sat som brukar til ca. 1885. I 1865 fødde dei 1 ku, 3 sauer, og i 1875 2 kyr, 5 sauer og 1 gris. Sånaden var 1 t. havre og 1 t. poteter. Namnet Øggaplassen kan Ole ha fått med i arv gjennom far sin, *Jetmund Olsen Tvergrov*, som lektor *Martin Gjævenes* meiner kom frå plassen Hoggen i Hjørundfjord. *Jetmund* hadde broren *Peder Olsen* som tok ein plass under bnr. 1 på Utgård. Denne plassen fekk også namnet Øggaplassen, (i matrikkelen Høggaplads bnr. 15). Mest truleg er det difor at opphavet til bae plassenamna er Hoggen i Hjørundfjord.

Versonen til Ole Jetmundsen tok over plassen. Det var

*Johan Amundsen Hole* frå Haugen (f. 1862, d. 1951) g. 1888 m. *Anne Marta Olsdtr. Strømme* (f. ,1857, d. 1937).

Br. ca. 1885—1940-åra.

Born: *Berte* f. 1886 g.m. *Ole Bastian Knutsen Lade*. Sjø Lade bnr. 6. *Olave* f. 1888, d. 1953. *Anton* f. 1890 g.m. *Olivie Karlsdtr. Blindheim* (f. 1892, d. .1924). Ho voks opp hjå mor si, *Petrine Vikstad* f. *Tandstad*. *Marte* f. 1892. *Klaus* f. 1893. Utvs. nr. 585.

*Johan Amundsen* var son til *Amund Jakobsen Hole* på Haugen bnr. 10 og *Berte Olsdtr. Løvoll*. Etter tradisjonen vart ho kalla Tvergrov-Berte, og budde sine siste leveår hjå sonen på Øggaplassen der ho døydde i 1915, då 85 år gamal. Ved sida av arbeidet med plassen dreiv *Johan* fiske, og han var kjend og akta som ein uvanleg dugande torskedragar.

Dei siste åra *Johan* levde, brukte han plassen saman med borna

*Olave Johansdtr. Strømme* (f. 1888, d. 1953) .  
*Anton Johansen Strømme* (f. 1890, .d.;1952)g i.1918 m. Olivia Karlsdtr.  
Blindheim (f 1892, d. 1924). Sjå Straume .bnr.'26.  
Br. Ca. 1940—ca.1955,  
*Marte Johansdtr. Strømme* f. 1892.

Olave og Marte Strømme var tenestgjenter på gardar i mange år, ,og bytast om å vere heime. Frå 1955 var Marte pedell ved Tandstad skule. Seinare flytte ho til systerson sin Karl Lade. På Brudevoll og budde der.

Anton Johansen. Strømme dreiv, vegarbeid i mange år.  
Plassen fall attende til Larsbruket bnr. 3 ca..1955.

FAUSAGARDEN.bnr. 4.

*Helge Strømme*  
Br. 15.—ca.1627.

Han var; lagrettemann. I eit tingsvitne frå ; Sykkylven dagsett 4 juli 1577 er Helge på Strømme ein av dei som stadfester at enkja etter presten Thorkjell Sjursen i Hevne, Beritte Jakobsdtr. spurde Peder Olsen på Straumsheim og fleire Gyri Jonsdtr. bestemor til Thorkjell hadde gitt Thorkjell. (Sjå dette brevet .s. 296). Det er mykje rimeleg at Helge er i slekt med Thorkjell, og såleis også er ein av ervingane etter Gyri Jonsdtr. I så fall har han også vore i slekt med førstemannen til Lisbet Steinsdtr. i Straumgjerde. Helge åtte også jordegods. Han åtte 2 mællag i 1602 det hadde auka til 8 mællag i 1610, men minka til 4 mællag i 1617 Det kan neppe ha vore bruket sitt på Straume han åtte. Der har han truleg vore berre bygselmann. I 1591 var Helge Strømme ein av dei som fekk det ærefulle oppdraget å reise til Oslo for å representere landsluten då kong Kristian IV. vart hylla som norsk konge. Helge på Strømme vart utkommandert til Kalmarkrigen i 1611, men han let Elling Paulsen Tandsrad gå i sin stad.

Helge må ha vore ein moden mann, alt i 1577 då han var vitne i saka om arvegodsset Ramstad og Straume. Om han også verkeleg var stades i Bergen ca. 1550 då Gyri Jonsdtr. gav frå seg desse gardane til dottersonen sin Thorkjell går ikkje heilt klart fram av tingsvitnemålet frå 1577. Men då han går att i skattelistene heilt fram til 1627, reiser det tvil om det er ein Helge eller to,far og son, som har,vore på garden i denne tida.

Etter Helge kom

*Elling Helgesen Strømme*. Han brukte garden saman med far sin (eller evt. bror sin) frå ca. 1615 til ca. 1627, sidan åleine til ca. 1658. Han gifte seg ca. 1616 med ei Magnhild Larsdtr. (Sykkylven i eldre tid I, s. 194). Elling åtte 2 mællag jordegods i 1625. Han la kvegskatt i 1658 av 1 hest, 11 kyr, 4 geiter og 2 sauer.

Sonen

*Ole Ellingsen Strømme* (f. ca. 1630, d. etter 1701).

Br. 1658—ca. 1690.

I 1668 vart Ole saman med fleire andre stemnde for retten av Ivar Jansen Barnsbild ved fullmektigen Christen Jensen Vendelbo for ein gjeld på ½ rdl. Våren 1667 hadde Ole kjøpt noko såkorn som han ikkje hadde betalt. Retten dømde Ole til å betale innan 14 dagar. Naboen Ole Knutsen på bnr. 1 vart også dømd. Ole Ellingsen brukte 3 mællag jord på Straume.

Sonen

*Elling Olsen Strømme* (f. ca. 1669, d. etter 1749).

Br. ca. 1690-1732.

Elling fekk nya opp att bygselen sin i 1720 av Jens Abelset.

Sonen

*Ole Ellingsen Strømme*, br. 1732—1751, g.i. 1732 m. Marte Olsdtr. Lade (f. ca. 1690, d. 1740) g.2. 1741 m. Siri Ingebrigtsdtr. Hatlemark.

Bygselsetel frå Jens Abelset i 1732 på 3¾ mællag.

Etter Ole Ellingsen gjekk bruket over til

*Ole Pedersen Fausa* (f. ca. 1711, d. 1788) g. 1742 m. Lisbet Jonsdtr. Drotninghaug (f. ca. 1714, d. 1761).

Br. 1751 — 1776.

Bygselbrev i 1751 frå Jens Abelset på 3¾ mællag. Ole Pedersen var lagrettemann. I 1759 skaut han ein bjørn i Straumsmarkene. Skiftebuet etter Ole i 1778 hadde ei brutto eige på 4 rdl.

Sonen

*Peder Olsen Strømme* (f. 1751, d. 1819) g. 1776 m. Marie Olsdtr. Strømsem (f. 1752, d. 1809).

Br. 1776 1812.

Bygsel brev i 1776 frå presten Ebbe Carsten Tønder på 2 pd. 15 mrk. Peder Olsen sat som bygselmann til han i 1811 løyste ut bruket av kaptein Schnitler for 390 riksbankdalar.

Peder Olsen Strømme var medhjelpar i kyrkja frå 1793. I 1785 skaut han ein bjørn i utmarka til Straumsheim. Skiftebuet etter

Marte Olsdtr. i 1809 hadde ei brutto eige på 195 rdl. Gjelden var 26 rdl.

Versonen

*Johannes Halvorsen Uggedal* (f. 1786, d. 1854) g. 1812 m. Lisbet Pedersdtr. Strømme (f. 1781, d. 1856).

Br. 1812—1833.

Han fekk skøyte på bruket frå verfar sin Peder Olsen i 1812 for 400 riksbankdalar og kår. Men han måtte låne 300 rdl., og det vart vanskeleg å kvitte seg med denne gjelden. I 1827 selde Johannes bruket til Nils Torstensen Brusdal for 190 spd. Johannes Halvorsen er nemnd som lagrettemann i 1825. Han var skrivekunnig.

Etter Johannes kom

*Nils Nilssen Ørjasæter* frå Geiranger (f. 1803, d. 1854) g. m. Anne Sofie Hansdtr. Hole frå Geiranger (f. ca. 1812, d. 1862).

Br. 1833-1855.

Han fekk bygselsetel i 1833 frå Karl Klaussen Åkre som i 1832 hadde løyst dette bruket frå ervingane etter Nils Torstensen Brusdal. I 1835 var det jordskifte på Straume. Den gamle skylda 2 pd. 19½ mrk. vart i 1838 endra til 2 dlr. 15 skl. Nils fødde i 1845 1 hest, 7 kyr, 10 sauer og 4 geiter. Sånaden var ½ t. bygg, 2. 1. bl.korn, 4 t. havre og 1 t. poteter.

Son til den tidlegare brukaren Johannes Halvorsen og dotter til Nils Nilssen tok over bruket. Det var

*Henning Olaus Johannessen Strømme* (f. 1823, d. 1873) g. 1855 m. Anne Sofie Nilsdtr. Strømme (f. 1834, d. 1899).

Br. 1855—1875.

Born: Nikoline f. 1857, d. 1945. Ho var mykje heime og hjelpte til i arbeidet både ute og inne. Anne f. 1864 g.m. Jens Jørgensen Grebstad (bnr. 4). Gjertrud f. 1868 g.m. Peder Pedersen Fausa. Ole Petter f. 1872. Utvs. nr. 812.

Dessutan hadde Henning dottera Oline f. 1855 g.m. Hans Jakob Olsen Grebstad. Sjø Haugset bnr. 4.

Henning Johannessen fekk bygselsetel i 1855 frå Karl Klausen Åkre. Kår til Anne Sofie Hansdtr. Henning bygde både ny stove og ny løe. Bruket vart i 1864 rekna til 28 mål åker og dyrka mark, og 59 mål natureng. Ved sida av gardsdrifta arbeidde han som bygningsmann og snikkar. I Fausagarden sette han opp nytt stovehus, og dessutan sel på setra. Vevstolar og skytlar han laga, er framleis i bruk i grenda.

Enkja Anne Sofie gifte seg att med

*Johan Pedersen Velle* (f. 1845, d. 1905) son til Peder Anderssen Valgermo som seinare skreiv seg for Giskemo, og Ingeborg Jørgensdtr. Velle.

Br. 1875—1903.

Born: Henning f. 1875, g. på bruket. Petrine f. 1878 g.m. Gunder Berntsen Grebstad i Ellinggarden bnr. 8.

Johan Pedersen fekk bygselsetel i 1875 frå Bastian Martinussen Velle som same året hadde kjøpt Fausagarden for 651 spd. av ervingane etter Karl Klaussen Åkre. Då Johan tok over som brukar, var buskapen 1 hest, 1 unghest, 6 kyr, 4 ungdyr, 14 sauer. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4 ½ t. havre og 1 t. poteter. Etter den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda 2 dlr. 15 skl. revidert til 3,50 skyldmark. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Johan fiske.

Sonen

*Henning Johansen Strømme* (f. 1875, d. 1963) g. 1903 m. Johanne Thomasdtr. Stave (f. 1876, d. 1966).

Br. 1903—1963.

Born: Ole f. 1904. Utvs. nr. 811. Thomas f. 1906 g.m. Borghild Furseth. Sjø Klokkehaug bnr. 11. Arthur f. 1908. Utvs. nr. 810. Helga f. 1911. Sydame. Julie f. 1911, har teke over bruket.

Henning Strømme dreiv fiske til han gifte seg og tok over garden. Det var i 1903. Han løyste same året ut bruket av Bastian Martinussen Velle for 3.500 kroner. I 1914 var det jordskifte av innmarka på Straume. Fausabruket kom då lengst inn mot sør. Henning sette opp store nye hus på nye tufter, både stovehus og løhus, og dessutan bygde han sel og sommarfjøs. Han dyrka godt opp bruket og tok store nybrot, slik at avlinga auka mykje. Henning Strømme var i fleire bolkar med i kommunestyret, formannskapet og skulestyret.

Dottera

*Julie Henningsdtr. Strømme* f. 1911 tok over dette bruket i 1963. Ho er utdana syerske og dreiv syarbeid før ho tok over Fausagarden. Buskapen på bruket er 1 hest, 5 kyr og 3 ungdyr.

REITEN bnr. 5 (Jetmundplassen).

Plass under Jogarden bnr. 2, Larsgarden bnr. 3 og Fausagarden brn. 4, utskild 1890 med skyld 0,67 mark. Etter skyldsettinga å

døme var Fausastykket noko større enn Jostykket og Kårsstykket til saman.

Første brukaren var

*Jetmund Jenssen Åsen* (f. 1798, d. 1880) g. 1832 m. Marte Larsdtr. Strømme frå Larsgarden bnr. 3 (f. 1797, d. 1886).

Br. ca. 1840—ca. 1885.

Jetmund og kona hadde først plassen Grebstadgjerde bnr. 24 på Grebstad før dei kom til Reiten. Dei fødte i 1875 2 kyr og 7 sauer. Sånaden var 1¼ t. bl.korn, 1 t. havre og 1 t. poteter.

Etter Jetmund kom

*Ingebrigt Hanssen Fet* frå Pål garden (f. 1853, d. 1928) g.m. Severine Karlsdtr. Drotninghaug frå Bødagarden (f. 1851, d. 1928),

Br.ca., 1885—1928.

Born: Ole f. 1876, lensmann . Sjå Straumgjerde bnr. 9. Susanne f. 1880 g.m. Edvard Pettersen Tandstad. Sjå Indre Tandstad bnr. 1. Hanna f. 1883 g. 1. m. Adolf Klaussen Aure, g.2. m. Ole Olsen Relling. Sjå Aure bnr. 6. Kanutte f. 1890. Tok over bruket.

Ingebrigt løyste ut bruket i 1892 for 890 kroner og fekk skøyte frå Nils Jakobsen Strømme i Larsgarden, Bastian Martinussen Velle som åtte Fausagarden, og Sivert Larssen Strømmegjerde (bnr. 8) frå Jogarden på Straume.

Ingebrigt Strømme var ein kjend høvedsmann og fiskar saman med bror sin Hans Petter Fet, og Jens Grebstad, åtte Ingebrigt ein seksring som dei brukte i torskjefiskja i lang tid. I 1903 selde dei seksringen, og Ingebrigt, Hans Petter Fet, Fredrik H. Drabløs og Bernt Strømsheim kjøpte att ein ny 38 fots slupp som fekk namnet «Jupiter» I 1904 fekk dei motor i båten, og «Jupiter» vart første fiskebåten med motor som gjekk ut frå fiskeværet Alnes. Ingebrigt dreiv også målararbeid og var kjend rosemålar.

Dottera

*Kanutte Ingebrigtsdtr. Strømme* f. 1890, fekk skøyte på bruket i 1928 for 2000 kroner. Ho flytte til bror sin Ole Strømme i Straumgjerde bnr. 9 og la ned livsverket sitt der, for kona til Ole Strømme var sjuk. Kanutte Strømme heldt husa på Reiten ved like, og la m.a. nytt tak på både stova og løa. Ole Strømme dreiv Reiten og køyrde avlinga til Straumgjerde. Seinare flytte Kanutte attende til Reiten som ho let brordottera og hennar mann ta over. Det var

*Arne Martinussen Flaate* frå Skodje f. 1915 g. 1941 m. Tordis Olsdtr. Strømme frå Straumgjerde bnr. 9, f. 1919.

Br. frå 1946.

Born: Ole Martin f. 1942 g.m. Ruth Klepp frå Volda. Han er ingeniør. Svein Jarle f. 1943. Kari Synnøve f. 1947 g.m. Kåre Støylen frå Ikornnes. Straume bnr. 55. Elise Marie f. 1950 g.m. Per Sønju, Hurum. Arnljot f. 1952.

Arne og Tordis Flaate fekk skøyte frå Kanutte Strømme i 1946. Kår. Dei første åra budde dei i gamlehusa som Arne hadde vølt og sett i stand. I 1957 bygde han nytt stovehus. Dei hadde både mjølkekyr og sauer første åra, seinare gjekk dei over til sauer og ungdyr. Arne Flaate er entreprenør og har sett opp mange hus i distriktet. Han har såleis bygt fleire av skulehusa i Sykkylven. Tordis Flaate er student og har vikariert som lærarinne ved ymse skular i Sykkylven. Ho har vore medlem i kommunestyret.

#### HUMLEGARD bnr. 6.

Også kalla Humlebakken, Bakken eller Larsplassen, utskild frå Jobruket bnr. 2 i 1895 med skyld 0,30 mark. Eigaren då var ervingane etter Lars Bernt Larssen Strømme og Else Pedersdtr. i Jogarden på Straume.

Første brukaren var son til Lars Bernt

*Lars Andreas Larssen Strømme* frå Jogarden (f. 1828, d. 1906) g. 1851 m. Ellen *Lovise* Jørgensdtr. Tandstad (f. 1829, d. 1919) dotter til Jørgen Eriksen Aure (sjå Blindheim bnr. 23) og Marte Larsdtr. Tandstad.

Br. ca. 1851—ca.1906.

Born: Sivert f. 1852 g.l. m. Karen Sivertsdtr. Kjemphol frå bnr. 7, g.2. m. Karen Knutsdtr. Lyshol frå Rasmusgarden. Sjå Lyshol bnr. 4. Nils f. 1855 g.m. Berte Ellingsdtr. Strøm. Sjå Straumgjerde bnr. 3. Nedste-Einane. Bernt f. 1858 g.m. Jakobine Martinusdtr. Kjemphol. Sjå Kjemphol bnr. 3, Stølen. Ivrine f. 1860, tok over plassen. Nikolai f. 1804 g.m. Karen Iversdtr. Melset frå «Ækrå». Sjå Tandstad Mellom bnr. 4. Olave f. 1868 g.m. Lars Ramstad.

Lars og Lovise tok denne plassen først i 1850-åra. I 1875 fødde dei 3 kyr og 8 sauer. Sånaden var  $\frac{3}{4}$  t. bl.korn,  $\frac{3}{4}$ t. havre og  $\frac{1}{2}$  t. poteter. Lars var kjend for å kunne bryggje godt øl, og han vart mykje nytta som «bryllaupsbryggjar». Ved sida av arbeidet med plassen dreiv han som gråsteinsmurar. Lars sat på bygsel og gjorde pliktarbeid i Jogarden. Ein vårdag i 1906 skulle Lars vere

med grannane og gjerde våndagard, men han kom ikkje. Då dei skulle sjå etter han, fann dei han død på marka.

Dottera

*Iverine Larsdtr. Strømme* f. 1860 dreiv plassen i mange år etter at far hennar var død. Ho flytte på sine gamle dagar til systera Olave på Ramstad og døydde der.

Lars Karl Larssen Strømme i Jogarden løyste i 1910 ut dei ervingane etter Lars Bernt Larssen som åtte plassen. Son til Lars Karl, Ole Larssen, fekk skøyte i 1928, og same året vart plassen slegen saman med Jobruket bnr. 2 til eitt bruk.

HATLEBAKKEN bnr. 7 (Jensplassen).

Plass under Jobruket bnr. 2 utskild 1895 med skyld 0,48 mark. Første brukaren var

*Jens Johan Olaus Larssen Strømme* frå Jogarden (f. 1842, d. 1912) g.1. 1868 m. Johanne Marie Ingebrigtsdtr. Fet frå Pålgarden (f. 1845, d. 1886) g.2. 1888 m. Elene Larsdtr. Strømme frå Larsgarden (f. 1855, d. etter 1916,)

Br. 1867—ca.1916.

Born i første ekteskap: Petrine f. 1869 g.m. Thomas Brudevoll i Larsgarden. Peter f. 1873, byggmeister og entreprenør. Busett i Ørsta.

Barn i andre ekteskap: Johanne f. 1890 g. til Langevåg.

Jens bygsla denne plassen i 1867 av bror sin Lars Petter Larssen i Jogarden. Buskapen på Jensplassen i 1875 var 2 kyr, 1 ungdyr, 8 sauer, og sånaden var 1 t. bl.korn, 1 t. havre og 1 t. poteter. Jens dreiv også fiske, og han var bygningsmann. Nokre år etter at Jens var død, truleg ca. 1916, tok dottera Johanne med seg både mor si og stovehuset og flytte til Langevåg.

Eigaren av Jogarden og denne plassen, Lars Petter Larssen Strømme, gav i 1896 gåvebrev på plassen til dei to borna Hans og Marie. I 1920 selde Marie g.m. Mathias Aursnes sin halvpart i Jensplassen til bror sin Hans Larssen som hadde flytt til Nymarka bnr. 5 i Straumgjerde. Han dreiv seinare denne plassen og køyrde avlinga til Straumgjerde. Sonen Petter Hanssen Strømmegjerde har no skøyta på plassen. Avlinga køyrer også han til Straumgjerde.



KVELDSRO bnr. 11.

Eit stykke vart utskilt frå Larsbruket bnr. 5 i 1917 med skyld 0,06 mark. Johan Jakobsen Strømme selde stykket i 1917 til

*Peter Martinus Hanssen Strøm* frå Eilevgarden bnr. 2 i Straumgjerde (f. 1858, d. 1952) g.m. Marta frå Veibustgrenda d. 1940. Ho var enkje då ho gifte seg att med Peter Strøm. Marta Strøm var gift 1. gong med Gabriel Tagset, som var lærar på Humla. Han drukna i Borgundfjorden.

Peter Hanssen Strømmegjerde kalla seg Peter Hansen og var fiskar då han reiste til USA i 1893. Sjå Utvs. nr. 837. Han tok namnet Peter H. Strøm, og busette seg i Ålesund då han kom heim att for godt i 1900. Seinare dreiv han som byggmeister og entreprenør, og vart kjend som oppfinnar av den såkalla Ålesundsmuren (gråstein i sement) då byen Ålesund vart bygd opp att etter brannen i 1904. I 1928 sette han opp hus på tomte Kveldsro på Straume, og brukte det som sommarbustad.

I 1944 selde han eigedomen til systersonen

*Hans Pettersen Strøm* frå Jogarden på Fet (f. 1886) g.m. Elen Marte Martinusdr. Overå frå Aure (bnr. 17) f. 1886. Han var kjøpmann i Trondheim, og selde att i 1953 til halvbrorsonen

*Sigurd Normann Karlsen Fet* frå Nybøen bnr. 8, f. 1927 g. 1953 m. Ragnhild Monradsdr. Hoff frå Straumgjerde f. 1933.

Barn: Kai Otto f. 1956.

Sigurd Fet arbeidde i møbelindustrien til 1963 då han flytte med familien til Langevåg, og selde eigedomen Kveldsro bnr. 11 til

*Leiv Olsen Drotninghaug* frå Straumsheim bnr. 4 f. 1928 g. 1963 m. Irene Janne Johansdr. Grebstad frå Bastiangarden bnr. 20, f. 1933. Han driv eigen brukskunstverkstad. Sjå også Drotninghaug bnr. 3.

Barn: Odd Jostein f. 1966.

NESTUN bnr. 12.

Småbruk utskilt frå Jogarden bnr. 2 i 1929 med skyld 0,25 mark. *Nikoline Larsdr. Ullahammer* f. 1892 i Jogarden på Straume bnr. 2, g.m. Magnus Ullahammer frå Haramsøy, sette opp hus på dette stykket i 1930-åra. Ho var då enkje. Mannen hennar døydde etter blindtarmoperasjon. I seinare år har son deira teke over eigedomen. Det er

*Magnus Magnussen Tomren* f. 1919. Han tok slektsnamnet Tomren som farsfolket hans hadde hatt. Magnus Tomren dreiv skomakarverksemd i kjellaren i mange år, men har i den siste tida arbeidt i møbelindustrien.

#### SOLVANG bnr. 14.

Utskild frå Larsbruket bnr. 3 i 1929 med skyld 0,25 mark. Skøyte frå Nilla Johansdtr. Strømme for 2.500 kroner til

*Trygve Thomassen Straume* frå Grebstad bnr. 2 f. 1903 g. 1935 m. Karen Olsdtr. Straumsheim frå Tormodgarden f. 1910.

Born: Kjellrun f. 1937 g.m. Leif Selboskar. Tor f. 1941, ingeniør i Statens Hamnevesen. Eldar f. 1946, vitskapleg assistent.

Trygve Straume har utdanning frå Volda Lærarskule og Musikk-konservatoriet i Oslo. Han har dessutan gått landbruksskule og fleire song- og lærarkurs. I 1928 kom han til Tandstad krins som lærar, og her har han arbeidt sidan. Frå 1938 til 1968 har han også vore organist i kyrkja. Som leiar av blandakor, mannskor, barnekor og musikklag i over 30 år i Straumgjerde og ei tid på Aure, la han ned eit stort arbeid for song- og musikklivet

På Solvang bygde han først løe, og i 1946 sette han opp stovehus. Han har fôra ei ku og eit par ungdyr på bruket.

#### VELLEDALEN ALMENNING bnr. 16.

Velledalen almenning ligg mellom elva på Straume og riksvegen, og går i sør inn mot Fitjvatnet og i nord om lag til ein stor stein i elva nedafor Straumsheim bru. Denne steinen vert kalla Oksen. Velledalingane hadde naustplassar her i eldre tid, og brukte også almenningen til opplagsplass for ved, tømmer og liknande. Her tjora dei også øykene sine medan dei arbeidde med utskiping av famneved, eller venta på båt. I 1931 vart Velledalen almenning utskild frå Larsbruket bnr. 3 med skyld 0,01 mark. A/L Velledalen almenning fekk stadfest grunnboks heimel på bnr. 16 i 1947 Verdet av eigedomen vart sett til 3000 kroner.

#### STRØMSHORN.

Bygseltomt under Velledalen almenning.

*Petter Hanssen Langeland* frå Sunnylvn (f. 1867, d. 1929)

g.1. m. Karen Knutsdtr. Hjorthol frå Pegarden (f. 1871, d. 1911)  
g.2. 1913 m. Anna Johansdtr. Riksheim (f. 1888, d. 1966).

Born: 1. ekteskap: Klara f. 1898 g.m. Edvard Aurdal, Ørskog.  
Helma f. 1900. Utvs. nr. 825. Herman f. 1902. Utvs. nr. 827. Aasta f.  
1909. Utvs. nr. 826.

2. ekteskap: Karen f. 1914 g.m. Bjarne Drabløs. Sjø Straume bnr.  
19. Julie f. 1916 g.m. Lauritz Rørstad. Per f. 1920, tok over denne  
eigedomen. Edel f. 1926 g.m. Einar Vegsundvåg.

Petter Langeland var 4 gonger i USA. Utvs. nr. 824. Han bygde  
huset «Strømshorn» i 1898 og dreiv ei tid som bakar og  
handelsmann. I USA gjekk han maskinistskule. I seinare år var han  
tilsett i Møre og Romsdal Rutebåtar.

Ei tid dreiv han og kona også gjestgiveri i huset sitt på Straume.  
Første høgda leigde dei bort til handelsmenn som hadde butikk der.

Sonen

*Per Pettersen Langeland* f. 1920, g. 1943 m. Kirsten Rødal frå  
Tafjord f. 1916.

Born: Berit f. 1945, utv. til USA, g.m. Ralph Buchanan. Hallvard  
f. 1948, navigasjonsskule, sjømann. Arnhild f. 1949. Janna f. 1954.

Per Langeland gjekk handelsskule i 1940, seinare navigasjonsskule  
og var sjømann til han i 1945 vart postopnar og styrar for  
telefonstasjonen i Straumgjerde. Han tok posteksamen i 1950 og  
vidregåande eksamen i 1963.

Han har bygt på og modernisert huset på Straume.

## FOSSHEIM.

Bygsletoml under Velledalen almenning.

*Fridtjof Fredriksen Drabløs* frå Toregarden (f. 1919) g. 1940 m.  
Signe Pettersdtr. Brunstad frå Jørngarden f. 1916.

Born: Hildegunn f. 1944 g.m. Svein Lien. Frøystein f. 1953.

Fridtjof Drabløs er medeigar i Velledalen Fabrikker A/S. Sjø  
Hjortdal bnr. 12. Medlem i Sykkylven kommunestyre, og styre-  
medlem i Sykkylven industrilag. Han bygde hus i Straumgjerde i  
1948.

## TANDSTAD

Bygsetomt under Velledalen almenning.

*Thomas Pettersen Tandstad* frå Ytre Tandstad bnr. 1, f. 1912 g. 1945 m. *Ingrid Dalhaug* frå Nordre Bjørnsund f. 1917, bygde hus på tomte i 1948. Huset brann ned i 1958, og vart bygt opp att same året

*Ingrid Tandstad* driv forretning og har butikk i huset. *Thomas Tandstad* arbeider i industrien. Sjå også Ytre Tandstad bnr. 4.

Born: *Eli Mette* f. 1946. Sjå *Straumgjerde* bnr. 95. *Asbjørg Petra* f. 1948 g.m. *Asbjørn Hatlehol*. *Gjertrud Katrine* f. 1952. *Terje* f. 1953, omkom ved skulebuss-ulykke i Tjønnesstranda 1966. *Asgeir* f. 1958.

## BERGHEIM bnr. 17.

Bygsetomt utskild frå Velledalen almenning bnr. 16 i 1934 med skyld 0,01 mark.

*Reinhardt Rasmussen Dalseth*. frå Eid (f. 1896, d. 1960) g. 1921 m. *Johanne Thomasdtr. Straume* frå Grebstad bnr. 2, f. 1898,

Born: *Torbjørn* f. 1922, lektor i Volda, g.m. *Aase Solnørdal* frå Klokkehaug bnr. 10. *Gunnvor* f. 1924 g.m. *Inge Strømme*. Sjå *Straumgjerde* bnr. 9. *Bodil* f. 1925 g.m. veterinær *Trygve Toresen*.

*Reinhardt Dalseth* hadde handelsutdanning og var kjøpmann. Han bygde huset *Bergheim* i 1935, og hadde forretninga i første høgda. *Johanne Dalseth* driv gjestgiveri. *Versonen Inge Strømme* har no teke over forretninga.

## VIDUM bnr. 19.

Tomte vart utskild frå *Larsbruket* bnr. 3 i 1941 med skyld 0,07 mark.

*Bjarne Karolussen Drabløs* frå *Karolusgarden* (f. 1905, d. 1968) g. 1939 m. *Karen Pettersdtr. Langeland* frå *Straume* f. 1914.

Born: *Kjetil* f. 1939 (sjå nedafor). *Per Arne* f. 1941, distriktslækjar, g.m. *Torild Brandal* frå *Avaldsnes*. *Unni Bodil* f. 1847 g.m. *Torbjørn Østro*. *Solveig* f. 1953.

*Bjarne Drabløs* var i ungdomsåra med på fangst i ishavet der skuta forliste, men folket vart berga. Han gjekk seinare kurs ved

Teknologisk Institutt og dessutan handelsskule, og dreiv i fleire år som målar. I 1930-åra byrja han som kjøpmann, og bygde så i 1950 bustad- og forretningshus på denne tomta.

Sonen

*Kjetil Bjarnesen Drabløs* f. 1939 g. 1966 m. Eldbjørg Kristiansdtr. Vognild frå Oppdal f. 1942.

Barn: Bjørn Ove Kent f. 1967.

Kjetil har handelsutdanning, og Eldbjørg har utdanning frå Hjelpeleierskolen ved Ullevål Sykehus. Dei tok over denne forretninga ca. 1967. Kjetil og Per Arne Drabløs har skøyte på Vidum bnr. 19.

#### BAKKETUN bnr. 22.

Tomta vart utskild frå Sølmongarden bnr. 1 i 1944 med skyld 0,15 mark.

*Martinus Martinussen Høydal* frå Volda f. 1911 g. 1942 m. Julie Olsdtr. Strømme frå Sølmongarden f. 1916.

Born: Jarle f. 1942, ingeniør, g.m. Brit Reithaug. Ingunn f. 1946, lærar. Grethe Turid f. 1950, skuleelev. Ole Magnor f. 1953, skuleelev.

Martinus Høydal er maskinist og tilsett i Møre og Romsdal Fylkesbåtar. Han bygde hus i 1948.

#### SOLSTRAND bnr. 24.

Tomta vart utskild frå Larsbruket bnr. 3 i 1946 med skyld 0,01 mark.

*Johan Johansen Frisvold* frå Ålesund f. 1910 g. 1934 m. Johanne Johansdtr. Brunstad frå Nygarden bnr. 15, f. 1909.

Born: Odd f. 1934, overlækjar i indremedisin, p.t. ved fylkes-sjukehuset på Åse, g.m. Ingeborg Brænde. Liv f. 1947, lærar frå 1968, adjunkt frå 1970, p.t. lærar ved Velledalen skule, g. 1970 m. lærar Erik Olstad frå Skaun. Frode f. 1949, tannlækjar.

Johan Frisvold har drive agenturforretning for kontormaskinar og kontorutstyr. Johanne Johansdtr. dreiv i yngre år systove. Johan og Johanne Frisvold kjøpte denne tomta i 1946 av Kasbar Straume i Larsgarden, og bygde hus i 1954. Sister til Johanne Frisvold, Ovidie Brunstad, dreiv ei tid kaféverksemd i kjellaretasjen.

VONHEIM, bnr. 25, 38 og 40,  
Tomteparsellane er av Larsbruket bnr. 3. Bnr. 25 vart utskilt i  
1947 med skyld 0,01 mark.

*Alfred Pettersen Riksheim* f. 1905, g. 1939 m. Randi Edvardsdtr.  
Tandstad frå Insteøggarden bnr. 1, f. 1913, er fabrikkarbeidar, og kjøpte  
bnr. 25 i 1947 av Kasbar Straume. Bygde hus i 1949. Seinare har han  
utvida tomte med parsellane bnr. 38 og 40.

Born: Einar f. 1941. Ragnhild f. 1953.

#### TØRGJERBUDA bnr. 26.

Tomt utskild frå Velledalen almenning bnr. 16 i 1947. Det var ei  
hyrnetomt som grensa i aust mot riksvegen og i sør mot krysset og  
vegen til Sørestranda.

Den første som bygde her, var

*Ingebrigt Olsen Velle* frå Heggebakken bnr. 5 (sjå denne) (f. 1859,  
d. 1920). Først i 1880-åra kjøpte han ei sjøbud av Lars Olsen Tynes i  
Syvergarden bnr. 7. Ingebrigt dreiv i denne tida landhandel i  
Fausagarden på Straume, og tenkte no å setje opp eige handelshus i  
Straumen. Han førde sjøbuda som stod på Skjeholmen på Tjønes, inn  
fjorden og sette henne opp att i si gamle form på Straume. Men  
Ingebrigt kom i pengevanskar, og han selde i slutten av 1880-åra til

*Ole Andreas Pedersen Straumsheim* frå Tueplassen (f. 1863, d. i  
Ålesund 1936) g. 1891 m. Marie Olsen (frå Herøy?).

Han dreiv landhandel der nokre år. Ole Andreas var også styr-  
mann, heiter det om han i folketeljinga i 1891. Seinare flytte han  
til Ålesund. Han arbeidde til sjøs som stuert det meste av si tid.

Kring 1900-årsskiftet kjøpte

*Bastian Jakobsen Straumsheim* frå Olagarden (f. 1864, d. 1910)  
huset og handelen, og han dreiv stor bytehandel med gardbrukarane,  
kjøpte famneved og tunneband, og folk fekk att det dei hadde bruk  
for av varer på krambuda. Bastian Jakobsen byrja også med  
meieridrift, kjøpte separator og smørkinne. Den separerte mjølka  
måtte gardbrukarane ta tilbake. Ole Bastian var noko vanfør  
(giktbroten). Han vart stanga i hel av ein okse i 1910.

Då Bastian Straumsheim slutta handelen, leigde m. a. Karl  
Severinsen Brudevoll butikken i Tørgjerbuda nokre år.

Ca. 1910 hadde ein ny eigar flytt inn i huset. Det var

*Torgeir Sylvfestsen Vikstad* frå Skjåk (f. 1864 d. 1942) g. 1898 m. Petrine Jensdtr. Tandstad frå Jakobgarden bnr. 3 (f. 1873, d. 1960).

Born: Petrine Jensdtr. hadde dottera Olivia Karlsdtr. Blindheim (f. 1892, d. 1924) g. m. Anton Johansen Strømme frå Øggaplassen (sjå under bnr. 3. Larsgarden.)

Born i ekteskap: Sevald (f. 1899, d. 1918). Anna (f. 1900, d. 1966). Leidulv f. 1903 g.m. Jenny Pettersdtr. Velle frå Rasmusbøen bnr. 8. Karoline (Kalla) f. 1904 g. 1953 m. Oskar Knutsen Heltne frå Volda. Ragna f. 1909 g.m. Monrad Nilssen Hoff frå Ellingsøya. Sjø Straumgjerde bnr. 22. Borghild f. 1912 g. 1941 m Hans Olavsens Strand frå Ørsta f. 1909. Sjø Straumgjerde bnr. 47.

Torgeir Vikstad var ei tid i Hjørundfjord før han kom til Straume og busette seg i Tørgjerbuda som fekk namnet etter han. Han minnest frå barneåra at far hans sat ved lesten når Leidulv sovna om kvelden, og han sat ved lesten når han vakna om morgonen, så han trudde lenge at faren sat der heile natta. Elles arbeidde Torgeir mykje hjå Berli på sjøbuda i Ålesund. I seinare år var han også mykje ute på jordbryting og elles anna førefallande dagarbeid. På ein tur over Velleseferfjella til Hjørundfjorden i 1895, kom han i nært følgje med ein bjørn på fjellet, men vinden stod i frå bjørnen slik at han ikkje gadd Torgeir. Torgeir Vikstad var uvanleg uthaldande til å springe. Til langt fram i 1930-åra var dei mest sjeldan at han gjekk. Han likte best å springe. I seinare år løyste dei ut tomte frå Velledalen almenning og vart sjølveigarar. Huset er rive og tomte vart i først i 1970-åra jamna og utlagd til vegbane.

STRANDBU bnr. 27.

Utskild frå Larsbruket bnr. 3 i 1947 med skyld 0,01 mark. Kasbar Straume selde tomte i 1947 til

*Gunnar Joakimsen Flo* frå Maurset i Hornindal f. 1914 g. 1941 m. Aasta Ivarsdtr. Tronstad frå Sunnlyven f. 1912. Bygde hus i 1949. Han har utdanning frå Holmøy Arbeidsskole, og kom til Sykkylven i 1942. Sidan har han for det meste drive treskjerararbeid og hatt verkstad i kjellaren.

Born: Jan Kåre f. 1941. Ivar Arne f. 1944. Anders Otto f. 1945 g.m. Astrid Nystøyl. Bjarte Aage f. 1949.

SOLSTAD bnr. 28.

Utskild frå Sølmonbruket bnr. 1 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Einar Johan Eriksen Kalvatn* frå Volda f. 1920 g. 1950 m. Lilly Leidulvsdtr. Vikstad frå Velle f. 1932, bygde hus i 1953. Han gjekk i 1938 ved Sunnmøre jordbruksskule på Eidså, og ved Gjermundnes jordbruksskule i 1942. Han arbeidde i landbruket første åra etter skuletida, vart så gardsstyrar, seinare fjøsrekneskapsførar, og vikarierte også eit år frå mai 1945 for fjøsmesteren ved Gjermundnes jordbruksskule. Frå 1946 har han arbeidt ved Hj. Brunstads fabrikk i Straumgjerde. Lilly Kalvatn var i ungdomstida mykje ute som barnepleiar og heimhjelp. Ho arbeidde også ei tid som butikkdame. I seinare år har ho sysla med heimestrikking ved sida av husmor arbeidet.

Born: Turid Karin f. 1951 g. 1973 m. Wilfried Krüger frå Rekdal. Leif Erik f. 1954. Jorun Elise f. 1957. Olav f. 1961. Robert Einar f. 1966.

BAKKLLY bnr. 29.

Tomt utskild frå Larsbruket bnr. 3 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Asbjørn Andreassen Lade* frå Hau-Knut-garden f. 1919 g. 1950 m. Kirsten Sigvardsdtr. Strøm frå Straumgjerde bnr. 8, f. 1925, bygde hus i 1953. Han arbeider som bygningsmann.

Born: Astrid Karin f. 1947 g.m. Jarle Nystøyl frå Sande. Andreas Jon f. 1952. Jorunn Sissel f. 1957.

SOLTUN bnr. 30.

Utskilt frå Larsbruket bnr. 3 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Anna Elise Fredriksdtr. Drabløs* frå Toregarden f. 1910 er utdana jordmor. Ho bygde hus i 1956.

SVERREBORG bnr. 31.

Ufskild frå Larsbruket bnr. 3 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Sverre Kvellaug* frå Kristiansund N. f. 1921 er bokhandlar, og bygde hus i 1954.



VINDVANG bnr. 32.

Tomta er utskild frå Sølmonbruket bnr. 1 i 1957 med skyld 0,01 mark.

*Tarald Hovet* frå *Hylestad* f. 1919 g. 1945 m. *Olga Olsdtr. Strømme* frå *Sølmongarden* f. 1922., bygde hus i 1960. Han arbeider i industrien.

Born: *Åsmund* f. 1946. *Norbert Petter* f. 1949. *Helge Ottar* f. 1956. *Irene* f. 1962.

BØTUN bnr. 34.

Utskilt frå *Larsbruket* bnr. 3 i 1958 med skyld 0,01 mark. *Kasbar Straume* selde denne tomta i 1958 til

*Tore Olsen Bøe* frå *Åskard* f. 1919 g. 1943 m. *Jensine Pettersdtr. Riksheim* f. 1922. Han arbeider i industrien, og er dessutan drosjesjåfør. Bygde stovehus i 1960.

Born: *Reidun* f. 1945, g.m. *Oddvar Øvstedal* frå *Tresfjord*. *Gjertrud Beate* f. 1949. *Torbjørn* f. 1954.

OLAVSMINDE bnr. 43,

Tomt utskild frå *Fausabruket* bnr. 4 og seld i 1965 av *Julie Strømme* til

*Olav Normann Hole* frå *Øyane* bnr. 7, f. 1927, g. 1958 m. *Helga Olsdtr. Brunstad* frå *Jørngarden* bnr. 8, f. 1933.

Born: *Inge Otto* f. 1959. *Helge Per* f. 1959. *Norman Henning* f. 1963. *Jan Gunnar* f. 1905. *Anne-Iren* f. 1967.

*Olav Hole* saman med broren *Paul Hole* har drive transportferretning og maskinstasjon (O. & P. Hole). Ved sida av trailer-og langtransport har dei hatt mange og store oppgåver med vegbygging, jorddyrkingsarbeid og elles ymse slag anleggsarbeid i distriktet, også utafor fylket, *Helga Brunstad* har handelsutdanning.

SIGNEBU bnr. 44.

Tomta er utskild frå *Larsbruket* bnr. 3. *Kasbar Straume* selde denne tomta i 1966 til

*Per Hole Drabløs* frå *Bøtelgarden* på *Dravlaus* bnr. 4, f. 1928



*Setredeier på Dravlausstølen ca. 1915 truleg samla- til stølshelg. På troppa til Toresetlet står frå venstre: Berte Jensdtr. Velle i Toregarden, Karen Rasmusdtr. Velle i Knute/arden, Olave Eriksdtr. Drabløs f. Velle i Barbro går den, Marie Larsdtr. Strammegjerde (Einane). Sitjande frå venstre: Laura Karolusdtr. Drabløs i Karolusgarden. Inga Larsdtr. Hole i Jørngarden. På selveggen til venstre heng mjølkesilen, silarkluten og bringetreet.*

Fotograf: ukjend.

g. 1902 m. Signe Pedersdtr. Engeland frå Naustdal i Nordfjord f. 1928.

Barn: Petter f. 1964,

Per Hole Drabløs har befallsskule, og Signe Hole Drabløs har handelsutdanning. Dei bygde hus i 1968. Han arbeider no i industrien.

STRAUMSTUN bnr. 46.

Tomt utskild frå Sølmonbruket bnr. 1. Olai Kleppe selde tomte i 1969 til versonen

Aksel Andreassen Bøe frå Sandshamn f. 1940, g. 1964 m. Ing-

hild Olaus Olaisdtr. Kleppe frå Straume f. 1946. Dei bygde hus i 1970.

Born: Hilde Anita f. 1965. Marete Kristin f. 1966. Odd Arne f. 1972.

UTSIKTEN bnr. 52.

*Oddvar Osvaldsen Øvstedal* frå Tresfjord f. 1940 g. 1967 m. Reidun Toresdtr. Bøe frå Straumgjerde f. 1945. Han er sjåfør. Bygde hus i 1970.

Born: Torill f. 1968. Jan f. 1972.

ROGNHAUGEN bnr. 55.

Tomt av Reiten bnr. 5.

*Kåre Sigfredsen Støylen* frå Ikornnes f. 1945 g. 1965 m. Kari Synnøve Arnesdtr. Flaate frå Reiten bnr. 5, f. 1947. Han er mekanikar, bygde hus i 1971.

Born: Sigbjørn f. 1965. Tor Arne f. 1967.

## Dravlaus, gnr. 25. [\(Til innhald\)](#)

Namnet har vore skrive Dragløss i 1603, Draffueløess i 1617, Draffløes i 1626, Drabløes i 1666 og Drabløs i 1723. Forma Drabløs har halde seg stort sett uendra fram til vår tid. Dei som brukar gardsnamnet som familienamn, nyttar utan unnatak forma Drabløs. I dagleg tale vert garden kalla Dravlaus.

Dravlaus ligg i nedre delen av Velledalen på austsida av Storelva på den låge, store flata som strekkjer seg ned til sørenden av Fijavatnet. I nord grensar garden til Straume si beitemark med Fitjavatnet på nordvestre flanke. I aust støyter Dravlaus opp til garden si utmark med fjellet ovafor, og på sørsida ligg garden Velle. I sørvest går Dravlaus sin grunn over Storelva til Tegane som i vest grensar opp mot Fet si utmark ved Åssvora under «Geita» (Storhornet). Lenger mot nordvest støyter bytet mot Fet si slåttemark i Tegane, og sidan går det stort sett etter Storelva til Fitjabrua. Sjå elles om bytet mot Fet under Fet gnr. 33.

Både på vestsida og austsida av dalbotnen der Dravlaus ligg, er det skogkledd bergsider med hengebratt snaufjell over. Det er serleg bratt og trugande på austsida av garden. Der finn vi også den ruvende Dravlaus-Nyken (Dravlaus-tua). Frå gamal tid har det vore spådd at dette fjellet ein dag skal bikke over og falle ned over garden. Etter tradisjonen er det ei langsgåande sprekk i fjellet på baksida av Dravlaus-Nyken, og denne sprekk har hatt tendens til å vide seg ut. Bernt O. Velle på Heggebakkane på Velle (1868 — 1950) hadde gått mykje i desse fjella. Han fortalde ofte at han visste godt om denne revna. Då han var gutunge, var revna smal. I seinare tid av hans leveår hadde revna vida seg slik ut at det var med naud ein vaksen mann kunne greie å bygse over henne. Andre som har ferdast i desse fjelltraktene og har leita etter revna, har ikkje funne sikre teikn på sprekk. Men Dravlaus-Nyken er framlutt og tung, og fonner ryn det frå denne fjellsida både tidt og ofte. Det kan vere fjellstykke som losnar,

eller det kan vere vasssvorer (dapesvorer) og stundom reine snøfonner. Dei fleste av desse fonnene har namn. Lengst nord mot hagarden til Straume er Bøtelfonna eller Hagardsfonna. Så kjem Ellingfonna eller Seljefonna. Dei går bae ut i Fitjavatnet og kan leggje att store rangar med grus og stein over riksvegen. Ovafor Båtøya endar Strikfonna som kjem frå Synnavindshola under toppen av Dravlaus-Nyken. Krokfonna tar retning mot Gjerdehaugen, men svingar sørover når ho kjem ned i åreskogen. I djupaste svingen mellom Gjerdehaug og Fitjabrua endar Koltefonna. Så kjem Dravlausfonna nedover eit stykke sør for Fitjabrua. Nyfonna endar i plantefeltet i utmarka ovafor Toregarden, og lengst sør er Pallfonna (Karolusfonna, Jakobsfonna) som startar i Pallfonnskalet og ofte endar nede på slåttemarka i Karolusgarden eller Bøtelgarden. År om anna kan ho gjere skade og leggje att både stein og grus på dyrkajorda nærast utmarksgarden.

Langs vestsida av bøen renn Storelva. Ned gjennom tida har ho vore eit trugsmål mot Dravlaus på same måten som ho har vore det mot både Fet og Velle. Gjennom tusenåra har ho lagt att grus og singel i elvelaupet slik at det har lyft seg høgre og høgre. Når storflaumen så kom, serleg om hausten, var det berre ein liten del av vatnet som fekk plass i elvelaupet. Resten tok vegen aust over bøane på Velle og Dravlaus, gjekk over all mark, samla seg til fossestryk i delder og svokter og drog med seg matjorda, åker-molda, og trengde seg inn i fjøsar og kjellarar. Det var døger då storparten av Dravlaus stod under vatn. Angsten for elva var nedgrodd hjå folket på desse gardane. Når så vatnet endeleg fall, synt det seg som oftast at elva hadde «kasta seg», teke seg nytt laup anten lenger aust eller vest for det gamle, kanskje med ei landtunge mellom det gamle og det nye faret. Oftast var molda borte. Berre stein og sand var att. Terrenget her langs elva ber framleis namna Øyane, Sandane, Tangane, Kvitlane. Her og der langs elva er det på fleire stader merke etter gamle vernemurar for flaum, men plan i arbeidet med vernemur for elva kom først på 1900-talet. På Dravlaus var det Jens O. Drabløs i Samundgarden som tok opp arbeidet for ein slik mur. Det var i 1910. Fram til 1930-åra la Jens O. Drabløs ned eit kjempearbeid med denne elvamuren ved Langøyhølen. Sjølv om han fekk noko tilskot til arbeidet, vart det stor kostnad på han. I slutten av 1930-åra kom det så opp ein plan om å bygge vernemur på austsida av Storelva frå Kvernhusnova til Fitjabrua. Dette arbeidet starta under krigen

1940—1945 med spader og trillebårer og med hestar som trekkraft, og heldt fram med bulldozar og svære lastebilar i 1950-åra. Etter dette arbeidet kom elvelaupet lågare, og med breiare og strakare elvelaup og vernemur på sida hadde faren for gjennombrot minka, og garden fekk ein ny tryggleik. Men framleis stuvvar vatnet seg sør for Fitjabrua, slik at det kan gå langt fram over Samundbøane i storflaum, men større skade på åker og eng har vatnet ikkje gjort i seinare år.

På austsida av dalen rann det ei grov langs bakkefoten heilt frå Velle til grova rann ut i Storelva eit stykke sør for Fitjabrua. Denne grova tok opp alt vatnet frå bergsida ovafor, og i flaumtider kunne ho bli stor. Ho låg høgt i terrenget, og skapte på den måten vått lende til både sider. Somme stader måtte folk bruke sjøstøvlar når dei skulle slå desse myrane langs grova. Under jordskiftet på Velle i 1911 vart det gjort avtale om å ta opp ein open og djup kanal der grova gjekk for å senke grunnvatnet og tørke opp myrane på både sider. I 1915 vart avtalen utvida til også å gjelde Dravlaus, og så byrja det store arbeidet med å grave og mure for denne kanalen. Arbeidet starta nedst på Dravlaus og gjekk mannfram etter kvart som det vart ferdig. Også dette arbeidet fekk svært mykje å seie for jordbrukstilhøva på Dravlaus.

Dravlaus er utan tvil ein gamal gard. Merkeleg nok har det vore lite av det ein kan kalle fornfunn i jorda på denne garden. Årsaka kan vere at flaumen har raska med seg både gravplassar og gravminne. Det einaste dei har funne på garden, er ein jarndolk som diverre er komen bort, og så eit nålebryne. Dravlaus er heller ikkje nemnd i Tiendepenninglista frå 1520. Det er difor mogleg at garden har lege øyde ei tid etter Svartedauden. I 1600 var det 6 bruk på Dravlaus. Frå ca. 1630 vart det 7 bruk som la skatt. Det eine av desse bruka, Ivabruket, vart i 1828 lagt til Samundbruket. Såleis vart det berre 6 bruk att fram til 1919 då Samundbruket vart delt, og Dravlaus fekk på nytt 7 bruk. Garden var småbytt fram til jordskiftet i 1831. Det må ha vore eit heller radikalt skifte når ein tar omsyn til tida det vart gjort i. Storparten av småstykkane kom bort, og dei fleste bruka fekk hovudstykkane sine om lag der bruka ligg i dag. Men nokre småstykke låg no att her og der utover bøen likevel. Såleis hadde Torebruket og Barbrobruket kvar sitt stykke ovafor vegen mellom stovehusa til Olav Karolussen Drabløs og Lars Hole Drabløs. Det var Myrestykkane. Bø-

telfolket hadde eit stykke ovafor Barbrostova. Det var Bøtel-Te-gane. Barbrofolket hadde eit stykke bortafor husa på Slettebøen.

Ordninga frå 1831 varde fram til 1919 då det kom nytt jordskifte på innmarka. Bruka fekk då stort sett samling på stykka sine, og bytelinene vart dregne beine frå utmarksgarden på austsida av dalen til Storelva.

Dravlaus hadde ord på seg for å vere ein god korngard. Han var «viss til korn» står det i matrikkelen frå 1724, men det var «skade av elvebrudd». Gamleåkrane låg på dei tørraste og høgste plassane på bøen. Tore-, Barbro- og Bøtelbruket hadde åkrar på austsida av vegen ovafor gamletunet. Desse åkrane vart kalla Tegane. På same sida av vegen lenger sør mellom den nye Karolusløa og Ellingstova låg åkeren «Klengrå» som hørde Karolus-folket til. På vestsida av vegen bortafor grova (kanalen) hadde Torefolket åkeren Smibøen. Lenger framme hadde Barbrofolket Smiteigen, og nærare kvennaveita kom Storåkeren. Ellingfolket hadde Grovaråkeren vest for det gamle skulehuset. Dei hadde også ein åker dei kalla Feireiten. Det er mogleg at han låg til bytes med Karolusåkeren. Feireiten som strekte seg bortover mot Kvernaveita. Lenger sør kom Nepereiten, og fram til Betelbruket låg Krokane. Opp mot postvegen gjekk åkeren Langskogen.

Tust og skeidd vart nok nytta i truskinga av kornet også på Dravlaus i eldre tid, slik som på dei fleste andre gardane i bygda. Eit stort framsteg gjorde brukarane då dei midt i 1800-åra fekk truskemaskinen i bruk og kunne nytte vatn som drivkraft. Dei brukte vatnet i grova så langt det rakk, men skøyte som oftast på med vatn frå Kvennaveita som rann ned over bøane om lag midt mellom postvegen og Storelva. Denne Kvennaveita vart bægda ut frå ei grein av Storelva på Itlebøen eit stykke sør for Kvernhusnova på Velle og rann først ned over bøane på Velle før ho kom til Dravlaus. Når t. d. Karolusfolket truska, demde dei opp Kvennaveita bortafor Åmundhusa på Velle, leidde så vatnet etter ei svokt opp til vegen, over vegen og opp til vasshjulet som stod frammafor og ovafor Karolusstova. Frå hjulet hadde dei snor til løa og truskemaskineri. Vatnet gjekk så vidare etter grova som svinga nordvest over bøen mellom Ellingstova og Barbrostova. I svingen hadde Bøtelfolket truskehjulet sitt, ett undervasshjul, med snor til gamleløa. Her hadde også Samundfolket truskehjulet sitt før tunet flytte nordover til nye tufter. Seinare hadde Samundfolket truskehjulet i grova lenger nede mellom Fausastova og Slette-

bøstova. Torefolket hadde vasshjulet sitt ved Kvennaveita. Dei andre på garden brukte kvernkallane sine.

Dravlaus hadde berre 2 kvernar i 1724. Det auka til 3 i slutten av 1700-åra. Seinare vart det 6, med 3 kverndammar og 2 kvernhaus til kvar dam. Husa stod på beresteinar i Kvennaveita med ende-veggene mot kvarandre, det eine med inngang heimover mot tunet, det andre bortover mot Storelva. Fremst, omlag rett vest for Karolushusa, stod Karoluskverna som vende heimover, og Tore-kverna. Vest for Barbrotunet stod Samundkverna og Bøtelkverna. Eit stykke nedafor løa på Slettebøen stod Ellingkverna og Barbrokverna. Kvernane var i bruk til ca. 1918. No er dammane sletta med jorda. Husa er borte. Og vatnet i Kvennaveita er leidd ut att i Storelva på Itlereiten.

Dravlaus hadde «ubetydelig» med utslåttar og fjellslåttar, heiter det i matrikkelførearbeidet til garden i 1864. Dei sørlegaste bruka på garden hadde Gjerda, bakkane under utmarksgarden. Det er no dyrka, eller vert nytta som kultarbeite for buskapen. Alle bruka med unnatak av Karolusbruket har stykke i Dravlausstranda frå Fitjavatnet til utmarksgarden. Dette vart rekna som god slåttemark heilt fram i 1930-åra. Her var lunt med god jord og rikt med sol, så der var dei som jamvel planta frukttre her. Men frukta har hatt vanskar med å få fred. I seinare år er somt tilplanta med gran, andre har teke sitt til beitefelt. Feltet som ligg lengst sør og som vert kalla Båtøya, er dyrka, og vert stelt og slege som før.

På vestsida av Storelva har Dravlaus slåttestykke som vert kalla Tegane. Dei er for det meste no tilplanta med gran. Elles hadde garden stølsstykke på Dravlausstølen, og i eldre tid slo mange av brukarane også botevis i setremarka, både i Storhaugmarka, i Granhola og fleire andre stader, også på Tjønnane. Så seint som fram i 1890-åra slo Karolusfolket i fjellet sør for Pallfonnsvaet på ei flå som hadde namnet Tunga. På andre sida av svaet slo Bøtefolket.

Utmarka si hadde Dravlaus i bergsida aust for bøen, og ho strakte seg heilt frå bytet mot Straume i nord til bytet mot Velle i sør. Her hadde garden både heimehamn for buskapen og skogtegar. Hamna var sams, men skogen var delt. Mykje av hamna er skrapmark med ur, gyl og fonnfar. Dei som gjorde førearbeidet til matrikuleringa i 1864, gav hamna karakteren «dårleg». Beste delen er frå Fitjabrua og nordover mot Straume sitt byte. For



å kunne nytte ut best mogleg denne delen av hamna som låg lengst unna heimefjøsane, sette mange av brukarane opp sommarfjøsar på Gjerdehaugen. Bøtelbruket hadde sommarfjøs i søre enden av hamna ovafor husa sine.

Nordre delen av heimeutmarka hadde også mest og best skog, åreskog nedst og bjerkeskog øvst, men bjerkeskogen var det vanskeleg å nå med hest og slede. Ned gjennom tida har difor mange slitarar drege strangane ned til postvegen med tog (tau). Var det frosen mark eller høveleg snøføre kunne strangane gli nokså glatt storparten av vegen. Men mangt eit rykkjespenne var det likevel, og ikkje mindre tungt var det å kome seg opp att denne lange, bratte råsa mest til snaufjellet, anten dei no tok veden i Koltaskogen eller under Kjøthjellane.

Dravlaus planta litt skog i utmarka først på 1900-talet. Karolus J. Drabløs hadde alt ca. 1900 sett ut dei første granplantane ut mot Straumsbytet. I 1911 kom brukarane på garden i gang med eit sams plantefelt i utmarka ovafor sjølve bøen. Der er også gild skog no. I 1950 var det skifte av skogen og utmarka som no vart utlagd til eigedoms grunn. Etter den tid har mange arbeidd seg opp skogsvegar, rudt seg beitefelt og planta i teigane sine.

Var heimehamna dårleg, så var setrehamna dess betre. Ho låg på sørsida av Nysætervatnet. Ei gamal segn fortel at den første som tok i bruk Dravlausstølen, var ein mann som heitte Kollbein. Han prøvde først å ta seg seter i nedre delen av Velleseterdalen, og bygde sel der. Men så vart han jaga derifra. Det seiast at restane etter selmurane hans syner enno, og staden ber namnet Kollbeinstølen. Kollbein flytte så inn på Lafjellet og sette opp sel på Gamlestølen som ligg vest for vegen på flata ovafor Brekka. Men så vart han jaga derifra og. Då var det han Kollbein reiste inn på haugen sør for Nysætervatnet og bygde selet sitt der. «Og tredje gongen kunne dei ikkje jaga han», heiter det til slutt. Dravlausstølen har store vidder med god mark og godt med bjerkeskog. Som nemnt slo dei også botevis i hamna. Aust for Dravlausstølen låg Fitjastølen. Båe desse stølane hadde sams setremark. Etter tradisjonen fekk Fet beiterett på Dravlaussetra mot å gi frå seg slåttestykka sine Tegane på vestsida av Storelva. (Sjå også under Fet gnr. 33). I 1898 vart det gjort ein avtale mellom Fet og Dravlaus om at beitet framleis skulle vere sams, men det vart sett opp byteline mellom Fet og Dravlaus sin skog. Dravlaus tok atter-hald om rett til å slå høy i setremarka jamvel på dei stadane der

skogen etter dette bytet hørte til Fet. Denne avtalen stod ved lag til 1947 då bytet vart oppgått og setremarka delt. I 1949 hadde Dravlaus jordskifte over setremarka som då vart utlagd til eigedoms grunn. Grunneigarane har alt bygt mest 2 kilometer med god gardsveg inn gjennom setremarka, slik at no er det lett tilkomeleg både til skogen og til beite- og nydyrkingsfelt inn over myrane. Både Barbrofolket og Ellingfolket har alt kome i gang. med større dyrkingsfelt i setremarka, og fleire kjem nok etter.

Gamletunet på Dravlaus hadde midtpunktet om lag der Barbrostova no står. Her, stod stovene, stabbura og løene tett i ein krull med geil for buskapen sørvestover til utmarka på ein stad som ber mannen Reiten. Karolusbruket flytte frå gamletunet alt i 1832 etter første jordskiftet. Desse husa vart oppattbygde om lag der Karolushusa står i dag. Samundhusa som stod mellom Torestova og, Barbrostova, vart i 1880 flytte nordover der det gamle Fausatunet ligg no, med løa noko lenger sør på vestsida av vegen. Men stabburet til Samundfolket stod lenge att i gamletunet. I dei andre tuftene planta Samundfolket epletre, truleg dei første på Dravlaus, kanskje i heile krinsen, bortsett frå eit par surepletre i Hansgarden på Fet, fortel jordmor Hanna J. Drabløs f. 1878.

Ellingbruket bygde nye hus i 1898 på nye tufter eit steinkast sør for gamletunet. Den gamle Ellingstova som stod på Barbro sin grunn, kjøpte Jens Helgesen Drabløs i Barbrogarden for 1.400 kroner og – nokre dagsverk. Gamlestova i Barbro selde han. Dei siste som flytte frå gamletunet, var Bøtelfolket. Det var etter jordskiftet i 1919. Dei bygde først løa og stabbur på den nye tufta på vestsida av vegen fram mot bytet til Velle, og budde på stabburet til, nyehuset kom opp nokre år seinare.

Næringsgrunnlaget på Dravlaus har vore åkerbruk og feal heilt fram til notida. Garden har vore «ualmindelig letbrugt» står det i matrikkelførearbeidet frå 1864. Brukarane på Dravlaus har også vore flinke til å gjere seg nytte av dei nyvinningane utviklinga har ført med seg innan jordbruket. Såleis tok Jens Johan Severinsen Dravlaus i Samundgarden (f. 1823) tidleg i bruk ploegen og pløgde mark, slik at han til slutt hadde store samanhengande åkrar, i staden for ei hol her og ei der, slik det før hadde vore. Han hadde også 8 ar med rotfrukt i 1875. Sonen Ole Andreas var etter tradisjonen ein av dei første i grenda som sådde grasfrø i attelegga

sine. Jens Helgesen i Barbrogarden la grunnlaget for ei rikare potetavling etter at han hadde skaffa til veges betre setjepoteter inne frå fjordbygdene. Han arbeidde også mykje med å lage ein plog til å huppe potetene med. Frå å slite og hakke med grev og handemakt var det eit veldig framsteg å kunne bruke hest og plog til dette arbeidet.

I 1890 byrja Lars J. Drabløs (sjå Straumgjerde bnr. 2) med meieriverksemd i Samundkjellaren. Frå vasshjulet som stod i grova nedfor kloppa mellom Samundtunet og Slettebøen, hadde han snor til kinna og separatoren i kjellaren. Om somrane flytte han kinna og separatoren til Dravlausstølen, og sette opp eit hus til føremålet ved elva eit stykke utafor setra. På denne måten nådde han i mjølka på setrane rundt om.

I vinterhalvåret leverte dei mjølka si til Dravlaus heilt frå Straumgjerde og Straumsheim til Brunstad. Men i 1895 gjekk dei meste oppsitjarane i Velledalen inn i partsmeieriet ved Brunstad-brua, og Lars flytte då til Straumgjerde med meieriet sitt.

Alle brukarane på Dravlaus hadde fylmerr, og somme hadde to i den tida hesten hadde si glanstid. Som regel føra dei føla fram til ungdyr som så vart kåra på utstillinga og selde. Det gav nokre kroner i inntekt. Oppsitjarane har også gjort mykje for å skaffe seg godt storfe. Frå 1913 hadde garden lagsokse, og satsa frå 1940-åra på det nye Sør- og Vestlandsfeet. Seinare gjekk dei over til NRF.

Som attåtning var det i eldre tid vanleg at alle vaksne menn rodde vinterfiskja, eller hadde sjøbudarbeid. Men så gjekk det slik at fleire og fleire av dei unge reiste til USA. Mange busette seg for godt der borte. Andre som kanskje hadde kone og born, gard og foreldre som venta, kom att etter nokre år, bygde hus heime og løyste ut gjelden. Andre streva heime best dei kunne, freista med sylvrev i slutten av 1920-åra og utetter og dyrka jorda. I seinare år har industrien sysselsett mange av dei unge. Eit par av brukarane har faste stillingar i andre yrke, men har drive garden attåt så lenge kreftene heldt til alt .

Men fleirtalet driv faktisk jordbruk som levebrød. Drifta er mekanisert, arbeidet rasjonalisert og produksjonen er på topp.

Dravlaus har også ein møbelfabrikk. Det byrja i 1940-åra i kjellaren til bnr. 4, Bøtelgarden, då brørne Kåre, Jon og Lars Hole Drabløs byrja å lage møblar. Dei gjekk sidan saman med Norvald og Perry Fet. Etter nokre år skilde dei lag. Kåre, Jon og Lars

Hole Drabløs sette i 1951 opp eige fabrikkbygg ved kanalen på austsida av vegen og dreiv Drabløs Møbelfabrikk nokre år. Dei leiger no huset bort til Fet Møbelfabrikk med Norvald Fet som eigar. Det er også 2 landhandlarar på garden. Det er Olav K. Drabløs, og Lars Hole Drabløs som i si tid tok over forretninga etter Knut F. Drabløs.

På Dravlaus stod også skulehuset i Dravlaus krins til det nye skulehuset på Dalemyra vart teke i bruk.

I januar 1916 vart det oppretta rikstelefonstasjon på Dravlaus. Første telefonstyraren var Karolus J. Drabløs. Han hadde stasjonen til 1926 då Fredrik H. Drabløs i Toregarden tok over til 1936 då stasjonen på nytt kom til Karolusgarden. Det var dotter til Karolus som tok over, Anna Olufsen Drabløs, og ho var stasjonsstyrar til 1946 då ho sa frå seg. Astrid Nysæter f. Hole Drabløs i Bøtelgarden fekk stasjonen etter henne til stasjonen vart nedlagd i 1973 og tenesta kom under Aure (Sykkylven) med automattelefon.

#### EIGARAR.

Sykkylven kyrkje åtte etter gamalt 1 våg fiskeleige i Dravlaus. Resten, 6 våger, var Rosenkrantzgods. Som nestmann rådde Rosenkrantz for bygselen. Borgarmeister Rasmus Larsen Stud i Bergen (sjå under Grebstad) løyste ut denne parten i 1630-åra, og han gjekk i arv til dottera, Margrethe Rasmusdtr. i Hanken g.m. Henning Hansen Smith som var fut på Giske. Dei hadde ei dotter Elsebuth som vart gift med amtmann Johan Frimann, d. 1705. Med henne kom parten i Dravlaus i Frimann si eige. Dottera Drude g.m. voldapreslen Otte Finde fekk så parten i si eige til 1750-åra. Ca. 1756 ser det ut til at Magnus Stevelinsen Reutz og Otte Finde Reutz har ervt denne jordeigedomen. Dei kom baa i beit for kontantar, og i 1768 selde dei partane sine til Nils Wind for 320 rdl. Han selde i 1779 bruka på Dravlaus til bygslarane på garden med unnatak av Ivabruket og Karolusbruket som han selde til Anders Davidsen Kremmernes på Blakstad.

Kyrkjeparten som i 1600-åra var 1 våg fiskeleige utan bygsel, hadde same eigar som kyrkja. Først på 1700-talet gjorde Kongen gjeldande eigedsrett til kyrkjegodset, og i 1724 kjøpte major Rømer på Klokkehaug både Sykkylven kyrkje og jordeigedomane til kyrkja. På auksjonen etter han i 1744 fekk sokneprest Hans

Jakob Hiort tilslaget, og frå han gjekk egedomen over til versonen Nils Mechlenborg på Klokkehaug. I 1809 kjøpte eit lag av «Jordbrugende bønder i Søkkelven» både kyrkja og jordegodset. Dette laget sat som eigar til 1879 då kommunen tok over.

Med gardparten på Dravlaus gjekk det slik at då Nils Wind i 1769 let bygslarane på Dravlaus få løyse ut bruka sine, selde han og bygselråderetten han hadde over kyrkjeparten som no vart rekna til 5 mællag. Det var bygslaren i Samundgarden bnr. 1 som kjøpte bygselråderetten samstundes med at han løyste ut eitt mællag med bygsel i tillegg. No var råderetten for heile bygselen av Samundgarden komen over til bygslaren, og dermed sat han faktisk som eigarmann av garden, berre med det atterhald at han måtte legge årleg landskyld av 5 mællag fiskeleige til kyrkja. Denne landskylda vart seinare kalla «avgift», og vart i 1899 sett til kr. 8,57 for Samundgarden.

Om eigarane på Dravlaus etter 1769, sjå under Brukarar.

#### MATKIKKELGARDEN.

I eldre tid ser Dravlaus ut til å ha vore rekna i skatteklasse med heile gardar, men landkommisjonen frå 1661 har ført Dravlaus opp som halv-gard. Skatteskylda var 6½ våg fiskeleige i 1626, men fram gjennom 1600-åra varierte ho frå 6 våger 18 mrk. til 6 våger 2 pd. I 1666 vart skylda fastsett til 7 våger. Prøvematrikkelen frå 1724 sette skylda ned til 6 våger 2 pd., og det er flaumskade frå elva som har ført til nedgangen. Men denne skylda vart ikkje gjort gjeldande. Skylda på 7 våger stod ved lag til 1838 då det vart ny skyld, 15 dlr. 4 ort og 9 skl. Denne skylda vart revidert i 1890 til 19,02 mark.

Leidangen var først på 1600-talet 3 geitskinn og 3 kalvskinn, og auka i 1666 til 3 geitskinn 2 kalvskinn. I 1705 var leidangen 3 ort og 16 skl., og i 1717 1 rdl. 3 mrk. 15 skl.

Tienda av garden var i 1666 8 t. havre ½ bygg, 1 våg 22 mrk. ost, og i 1717 8 t. havre, 6 skjeeper bygg, 1 våg 16 mrk. ost.

## OPPLYSNINGAR OM GARDEN

- 1626: Då er der 6 mann. Sånaden 20 t. korn.  
1666: 7 mann. Sår 24 t. korn, avlar 85 t. Kan fø 80 naut og 7 hestar. Brennefang.  
1717: 7 mann. Sår 18 t. havre, 2 t. bygg. Avlar 80 t. havre og 8 t. bygg. Kan fø 50 naut, 6 hestar. Brennefang.  
1724: 7 mann. Sår 17 t. havre, 2½ t. bygg. Avlar 70 t. havre og 12 t. bygg. Turvande brennefang. Setrar 1 mil frå garden. 2 kvernar. Lettvunnen og viss til korn. Skade av elvebrot.  
1802: 7 mann. Turvande skog til brennefang. Sommarbeite i «gaardens indskrænkede udmark» og i ein seterdal. Jordbruket «giver nogenledes» årviss kornavling.  
1864: Garden har lite utslåttar. Mykje av den udyrka jorda er framifrå godt skikka til dyrking. Heimehamna er dårleg, seterhanma god, men ligg ulagleg til. Brennefang. Garden er uvanleg lettbrukt.  
1875: 6 mann. Sånaden 2¼ t. bygg, 17½ t. bl.korn, 25 t. havre, 18 t. poteter. Dessutan hadde dei ca. 2,5 mål med rotfrukt. Buskapen var 3 hestar, 6 unghestar, 52 kyr, 19 ungdyr, 1 okse, 100 sauer, 4 geiter og 14 svin.

## BRUKARAR.

### IVABRUKET.

*Enkja*, br. 15.,—ca.1620.

*Peder Sæmundsen Dravlaus*, br. ca. 1620—ca.1654.

Han var med i Kalmarkrigen i 1611.

Lars, br. ca. 1654—ca.1663, skatta i 1658 av 1 hest, 10 kyr, 4 geiter og 4 sauer.

*Ole. Olsen* f. ca. 1620, brukte 3 mællag ca. 1663 — ca. 1685.

*Jakob Salmundsen*, br. ca. 1685—1694.

*Enkja* hans vart truleg gift med

*Peder Knutsen* (f. ca. 1669, d. 1726).

Br. 1694—1715.

Bygselsetel på 3 mællag i 1694 av Tyge Davidsen i Hanken. Frå 1715 delte Peder bruket med versionen

*Jon Jakobsen* (f. ca. 1693, el. 1726) g.m. Sylveig Pedersdtr. Dravlaus (f. ca. 1677, d. 1757).

Bygselsetel i 1715 frå Otte Pedersen Finde på 2 mællag. Jon

hadde broren Peder Jakobsen i Sølmgarden på Straume. Enkja Sylveig Pedersdtr. gifte seg att i 1727 med

*Ivar Salmundsen Tjønes* frå Syvergarden bnr; 7 (f. ca. 1697, d. 1780». Br. 1726- ca. 1755.

Bygselsetel frå major Rømer på 3 mælrug 3 mrk. i 1726.

Sonen

*Jon Ivarsen Dravlaus* (f. 1729, d. 1798) g. 1755 m. Synneve Ellingsdtr. Dravlaus frå Ellinggarden (f. 1731, d. 1802).

Br. ca. 1755 1789.

Versonen .

*Peder Olsen Utgård* (f. 1763, d. 1828) g. 1. 1790 m. Sylveig Jonsdtr. Dravlaus (f. 1755, d. 1803) g. 2. 1805 m. Ragnhild Karlsdtr. Aurdal frå Tormodgarden (f. 1773, d. 1834).

Br. 1789—1828.

Har fekk bygsel setel frå Anders Davidsen Kremmergård (Kremmernes) på 2 pd. 6 mrk. i 1789, og la kår til verfar sin frå 1790: Seinare løyste Peder Olsen ut bruket frå ervingane etter Anders, først 18 mrk. i 1807 av Marte Andersdtr. Kremmernes, og i 1811 kjøpte han resten, 1 pd. 12 mrk. av Jakob Olsen Utgård for 80 riksbankdalar. Peder Olsen Dravlaus var no sjølv-eigar, men han hadde ikkje born etter seg. I 1828 selde han Ivabruket til grannen Ole Larssen Dravlaus for 190 spd. og kår. Same året døydde Peder. Skiftebuget hans hadde eit brutto eige på 723 spd. Gjelden var 56 spd. Ole Larssen la Ivabruket til Samundbruket, og det vart eitt bruk. Sjå bnr. 1.

SAMUNUGARDEN bnr. 1

*Ole Kolbeinsen*, br. 15.—ca. 1640.

Amund Amundsen Dravlaus, br. ca. 1640—ca. 1660.

Han brukte 5 mællag; og skatta i 1658 av 1 hest, 13 kyr, 5 geiter, 6 sauer og 1 okse. Amund er mellom dei som fekk bot i 1655 fordi han ikkje møtte fram til skyssteneste for Ove Bjelke då han reiste frå Østeråt til Bergen. I 1653 vart han stemnd for retten for ein gjeld på 3 tylfter bord til Anders Hansen i Hanken. Amund møtte og kunne ikkje nekte at han hadde handla hjå Anders Hansen, men han var ikkje skuldig noko. Retten dømde likevel Amund til å betale.

Etter Amund kom

*Knut Knutsen* f. ca. 1619, br. ca. 1660—ca.1685. Han brukte 5 mællag.  
*Sæmund Olsen* (f. ca. 1650, d. 1713) g.m. Anne Amundsdr. d. etter 1713.

Br. ca. 1685—1704.

Han hadde tidlegare vore soldat. Skiftebuet hans hadde 46 rdl. i brutto eige, og gjelden var 30 rdl.

Versonen

*Ole Kolbeinsen Hole* (f. ca. 1677, d. 1737) g. m. Siri Sæmundsdr. Dravlaus (f. ca. 1685, d. 1771).

Br. 1704—1738.

Bygselbrev i 1704 frå Hans Jørgensen Cæstius på 4 mællag, seinare 6 mællag. Skatteskylda på bruket var no og i tida framover 1 våg 1 pd. 11 mrk.

Enkja Siri Sæmundsdr. gifte seg att 1739 med

*Rasmus Knutsen Lade* (f. ca. 1712, d. 1741).

Br. 1738—1743.

Han fekk bygselbrev i 1738 frå major Rømer på 6 mællag.

Son til Siri Sæmundsdr. og Ole Kolbeinsen tok over bruket etter Rasmus. Det var

*Sæmund Olsen Dravlaus* (f. ca. 1716, d. 1786) g. 1743 m. Tyri Ellingsdr. Dravlaus frå Ellinggarden (f. ca. 1718, d. 1793).

Br. 1743—1786.

Bygselsetel frå major Rømer på 1½ våg i 1743. Då Nils Wind i 1769 selde jordeigedomen sin i Dravlaus, kjøpte Sæmund Olsen 1 mællag med landskyld og overbygsel til 5 mællag for 105 rdl. Dei 5 mællaga det her er tale om, må vere den gamle kyrkjeparten i Dravlaus som Sæmund med dette fekk hand om. Med råderett over bygselen var bygselmannen så godt som sjøelveigar av bruket, berre med den skilnaden at han betalte den årlege landskylda som i dette høvet var av 5 mællag. I 1899 vart den årlege avgifta til kyrkja sett til kr. 8,57 for Samundbruket. Avgifta vart innløyst ca. 1942.

Son til Sæmund tok over bruket etter han. Det var

*Ole Sæmundsen Dravlaus* (f. 1751, d. 1811) g. 1776 m. Johanne Pedersdr. Aure frå Bakken bnr. 12 (f. 1749, d. 1817).

Br. 1786—1797.

Han fekk skøyte på bruket frå ervingane etter Sæmund Olsen på 1 våg 1 pd. 11 mrk.

Versonen



*Ole Larssen Brunstad* (f. 1772, d. 1847) g. 1799 m. *Johanne Tyrine* (Tyri) Olsdtr. Dravlaus (f. 1781, d. 1847). Br. 1797—1822.

Han fekk bygselbrev frå verfaren Ole Sæmundsen på 1 våg 1 pd. 11 mrk. i 1797. Kår. Seinare ervde han bruket. I 1813 var han lagrettemann, og han var også i lang tid kyrkjeverje. Ole Larssen fødde i 1802 1 hest, 10 storfe, 24 sauer. Sånaden var 4 t. havre og 1 t. bl.korn. I 1807 kjøpte Ole eit bruk på Fet, Nilsbruket, men selde det att i 1812. Som kårmann kjøpte han i 1828 Ivabruket på Dravlaus, 2 pd. 6 mrk., og dette bruket la han til Samund-bruket,

Sonen

*Lars Bernt Olsen Dravlaus* f. 1804, d. 1869) g. 1825 m. *Kristiane Jakobsdtr.* Fet frå Hansgarden (f. 1806, d. 1896).

Br. 1822—1852, sidan ca.  $\frac{1}{3}$  av bruket til 1864.

Han fekk skøyte på Samundbruket frå far sin i 1822 for 190 spd. og kår. Verbror til Lars Bernt, Lars Jakobsen Fet i Hansgarden, ervde Ivabruket då Ole Larssen i Samundgarden døydde i 1847. Men Lars Bernt løyste ut att Ivabruket, 2 pd. 6 mrk., for 190 spd. og kår, og han kom såleis til å eige og drive både bruka. Ved den nye skyldsettinga i 1838 fekk dei to bruka ei samla skyld på 4 dlr. 4 ort og 23 skl.

I 1831 var det jordskifte av innmarka på Dravlaus.

Versonen

*Jens Johan Severinsen Grebstad* frå Severingarden bnr. 11 (f. 1823, d. 1900) g. 1848 m. *Olave Larsdtr.* Dravlaus (f. 1832, d. 1914).

Br. ca.  $\frac{2}{3}$  av bruket frå 1852 til 1864, sidan heile bruket til 1878.

Born: Ole f. 1849 g. på bruket. Severine Karoline f. 1856 g.m. Severin Larssen Brunstad (Bøen). Lars f. ca. 1864 g.m. Marte Riksheim, gbr. i Straumgjerde, Eilevgarden.

Jens Severinsen fekk først skøyte på ca.  $\frac{2}{3}$  av bruket i 1852 for 350 spel. Skylda var 3 dlr. 1 ort og 16 skl. Resten med ei skyld på 1 dlr. 3 ort 7 skl. som svara til Ivabruket, sat verfaren att med til Jens Severinsen fekk skøyte også på dette i 1864. Prisen var 330 spd. og kår.

Jens fødde i 1875 1 hest, 1 unghest, 13 kyr, 7 ungdyr, 34 sauer, 4 geiter og 7 svin. Sånaden var 1 t. bygg, 5 t. bl.korn, 7 t. hav-

re, 4 t. poteter og dessutan 8 ar med rotfrukter som elles var sjeldne varer på gardane i denne tida.

Saman med sonen som tok over garden, flytte Jens Johan stova og løa frå gamletunet og sette opp nye hus eit stykke lenger nede. Nyestova bygde dei i 1880 ved austsida av postvegen. Løa kom på vestsida. Samundbruket hadde stor budrätt, og etter tradisjonen hadde Jens Johan så mykje myse og mysebrøm at han reiste nord om Storfjorden og bytte det i material til nyehusa. I tuftene etter gamlehusa planta Jens Johan epletre, og det skulle vere dei første aplane på Dravlaus. Elles sleit han mykje med famneved som han drog ned den lange bergsida frå Koltaskogen under Dravlausnyken.

Sonen

*Ole Andreas Jenssen Dravlaus* (f. 1849, d. 1913) g. 1877 m. Olave Petrine Bastiansdtr. Velle frå Karigarden (f. 1859, d. 1939).

Br. 1878—1907, sidan halve bruket til 1916.

Born: Jens f. 1879, g. på bruket Ole Severin f. 1886 g. på bruket. Lovise f. 1888 g.m. Karl Jenssen Tandstad på Tandstad Mellom bnr. 3. Karoline f. 1890. Laura f. 1890 g.m. Edvard Eliassen Lade, flytte til Lade bnr. 7. Andreas f. 1892 g.l. m. Anna Petersdtr. Aure, g.2. m. Karoline Hole f. Lade. Sjå Aure bnr. 8 og bnr. 40. Bastian (f. 1897, d. 1917). Oskar f. 1902 g.m. ei frå Skuggen, busett Borgund. Utvs. nr. 278.

Ole Jenssen fekk skøyte på bruket i 1878. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda på bruket 4 dlr. 4 ort og 23 skl. revidert til 8,74 mark.

Som nemnt flytte Ole Andreas saman med far sin ut frå gamletunet i 1870-åra og bygde nye hus i Samundgarden. Han pløgde opp mest heile bruket, og etter tradisjonen var han ein av dei første som byrja å så grasfrø i attelegga. Ole Andreas flytte aplane som far hans hadde planta i gamletuftene, til ein ny hage i bakken sør for Fitjabrua. Kring denne hagen la han opp ein svær steingard. «Han var ein svære trysjar, denne Samund-Olen,» sa den 90 år gamle Hanna Jensdtr. Drabløs i Toregarden.

Son til Ole

*Jens Olsen Drabløs* (f. 1879, d. 1958) g. 1907 m. Johanne Olsdtr. Vik frå Heljegarden bnr. 1 f. 1886, brukte garden saman med foreldra frå 1907 til 1916. Sjå om Jens Olsen under Slettebø bnr. 7. Frå 1916 til 1919 brukte han garden saman med verbroren

*Edvard Eliassen Lade* frå Sølmonhaugen (f. 1880, d. 1932) g.

1914 m. Laura Olsdtr. Drabløs f. 1890. Han flytte seinare til Lade. Sjå Lade bnr. 7.

Under jordskiftet av innmarka på Dravlaus i 1919 vart Samundgarden delt. Jens Olsen Drabløs fekk fråskilt parsellen Slettebø, bnr. 7 med skyld 4,37 mark, og bygde hus der.

Bror til Jens,

*Ole Severinsen Olsen Drabløs* f. 1886 g.m. Hanna Jørgensdtr. Klokkehaug (bnr. 1) (f- 1892) tok over husa i Samundgarden og den andre halvparten av garden.

Br. 1919—1923.

Ole Severin Drabløs hadde vore i USA før han byrja som gardbrukar. Utvs. nr. 277. Skøyte på bruket i 1919 med hus for 4000 kroner og halvparten av vanleg kår til mor si, Olave Petrine. Skylda på Samundbruket etter at Slettebø bnr. 7 var utskilt i 1919, var 4,37 mark. Ole Severin bygde ny løe, men i 1923 selde han bruket og reiste til USA att. Seinare busette han seg i Borgund der han pakta prestegarden. Dei nye brukarane i Samundgarden kom frå Fausa, og bruket fekk etter kvart namnet

#### FAUSAGARDEN.

*Ole Knutsen Fausa* frå Halkjellgarden (f. 1862, d. 1931) g. 1886 m. Johanne Marie Larsdtr. Opsvik (f. 1861, d. 1956).

Born: Knut f. 1888 som kjøpte dette bruket saman med far sin. Sjå nedafor. Lars Claus f. 1892, lærar i Balsfjord, g.m. Ingrid Tollefsen frå Balsfjord. Elen f. 1894 g.m. Ole S. I. Velle. Sjå Velle bnr. 6. Ole *Jørgen* f. 1897, lærar g.m. Laura Karlsdtr. Brunstad. Sjå Riksheim bnr. 30. Johan f. 1903, lærar, g.m. Lorentze Nilsdtr. Skogeng frå Balsfjord. Sjå Riksheim bnr. 25.

Ole Knutsen Fausa kom til Dravlaus i 1923 og dreiv første åra både dette bruket og halve Halkjellbruket på Fausa saman med sonen

*Knut Olsen Fausa* (f. 1888) g. 1923 m. Johanne Larsdtr. Velle frå Åmundgarden f. 1896.

Br. 1923—1958.

Born: Marie Oddbjørg f. 1924 g. på bruket. Gerd f. 1925 g.m. Norvald Fet i Jørngarden. Else f. 1928 g.m. Hallstein Skog. Ole f. 1930 g.m. Åshild Grebstad. Sjå Straumgjerde bnr. 66. Liv f. 1932. Kontordame.

Knut Olsen fekk skøyte på bruket frå Ole Severin Olsen

Drabløs i 1923 for 18.000 kroner. Knut la ned eit kjempearbeid på bruket, og det vart eit serleg slit å bli kvitt grunnvatnet frå elva. Men han grov veiter, fylte opp og jamna, og etter kvart lyste det i fin, grønn eng der det før var berre myr og tistel. Han bygde på stovehuset og bygde om og moderniserte fjøsen, og ol seg til ein buskap som vart mellom dei beste i bygda. Lenge dreiv han også med to fylmerrar som bae hadde 2. premi. Han var også mellom dei første som byrja med sylvrevavl i Sykkylven i 1920-åra. Revegarden hadde han i bakken ovafor løa. Ved sida av arbeidet med Fausagarden dreiv Knut også Halkjellgarden på Fausa i mange år saman med verbror sin Ole S. I. Velle i Jakobgarden. Dei slo og tørka høyet der inne, og køyrde det så med hest og vogn til Dravlaus og Velle. Ei tid dreiv Knut og kjøpte sauekjøt om hausten. Han salta det og hengde det opp til spekemat som han selde i Ålesund. Til lekmann å vere var Knut Fausa uvanleg flink til å forløyse kyr som hadde vanskar med å få frå seg kalven. Det var ikkje så lett å få dyrlækjar til garden i ei snøggvende, serleg om natta, og i slike høve var det alltid ein open veg til Fausa-Knut.

Versonen

*Arne Karlsen Velle* frå Bastiangarden f. 1919 g. 1947 m. Marie Knutsdtr. Fausa f. 1924.

Br. frå 1958.

Born: Åshild f. 1949 g.m. Nils Olavs Drabløs frå Ellinggarden. Kjetil Jan f. 1951. Dagfinn f. 1957.

Arne og Marie Velle hadde i nokre år drive eit gardsbruk på Stranda som dei hadde kjøpt før dei i 1958 flytte til Velle og tok over Fausagarden. Han bygde nytt hus i 1968 på vestsida av riksvegen.

Ved sida av å drive garden arbeider Arne Velle på fabrikk.

ELLINGGARDEN bnr. 2.

*Samund*, br. 15.—ca. 1605.

*Jon Larsen*, bnr. ca. 1605--ca. 1645.

Han var med i Kalmarkrigen i 1611. I 1645 sat enkja med bruket og vart nemnd med «dreng och pige».

*Salmund Olsen* f. ca. 1615.

Br. ca. 1645—ca. 1675.

Han brukte 5 mællag og skatta i 1658 av 1 hest, 12 kyr, 8 geiter, 8 sauer og 1 okse. Salmund var mellom dei som fekk bot i 1655 fordi dei ikkje møtte fram til skyssteneste for Ove Bjelke då han reiste frå Østeråt til Bergen. Det kan vere mogleg at Salmund var gift med Randi Jonsdtr. som døydde i 1726, 97 år gamal.

Etter Salmund kom

*Amund Olsen*, br. ca. 1675—1693.

*Ole Salmundsen Dravlaus* (f. ca. 1656, d. 1709) g.m. Inger Pedersdtr. Velle d. 1714.

Br. 1693—ca. 1710.

Bygselsetel i 1693 frå Chr. Smith i Hanken på 5 mællag. Skiftebuet etter Ole i 1709 hadde 73 rdl. i brutto eige. Gjelden var 23 rdl. I buet er m.a. nemnt 1 hest, 7 vaksne kyr, 1 kvige, 1 okse, 3 kalvar, og dessutan 2 salmebøker. Den eine var over Davids Psalter,

Enkja Inger Pedersdtr. gifte seg att ca. 1710 med

*Elling Ellingsen Ødegård* frå Stranda (f. ca. 1685, d. 1746) g.2. 1715 m. Siri Olsdtr. Brunstad frå Klausgarden (f. ca. 1690, d. 1747).

Br. ca. 1710—1747.

Han fekk bygselsetel i 1715 på 5 mællag 4½ mrk. frå Otte Finde. I 1721 nya han opp att festebrevet frå same eigar. Elling fekk bot i 1719 for fortidleg samlege med kona si. På tinget hevda han at søksmålet var ugrunna. Han hadde gift seg ved juletid i 1715, og kona hans kom i barsel ved juletid i 1716. Dette prova han med attest frå presten som stadfeste at Elling si kone ikkje hadde kome for tidleg. Etter at 20 år var gått, vart Elling på nytt stemnd til tinget i Honningdal fordi han ikkje hadde betalt bota han hadde fått i 1719. Elling greidde på nytt ut om tilhøvet, og no let retten saka falle bort. Elling var lagrettemann. Skiftebuet etter førstekona Inger i 1714 synte ei brutto eige på 59 rdl. Gjelden var 9 rdl.

Son til Elling og Siri tok over bruket. Det var

*Ole Ellingsen Dravlaus* (f. 1727, d. 1755) g. 1748 m. Berte Olsdtr. dtr. Hundeide (f. ca. 1721, d. 1797).

Br. 1747—1755.

Bygselsetel frå enkja etter Otte Finde, Drude f. Frimann i 1747 på 5½ mællag.

Enkja gifte seg att i 1755 med

*Helge Salmundsen Brunstad* frå Bøen (f. ca. 1716, d. 1770).

Br. 1755—1769.

Son til Ole Ellingsen og Berte Olsdtr. tok over bruket etter Helge.  
Det var

*Elling Olsen Dravlaus* (f. 1749, d. 1817) g.l. 1771 m. Johanne Jansdtr.  
Fet frå Hansgarden (f. 1753, d. 1810) g.2. 1810 m. Ellina (Helge ?)  
Jansdtr. Grebstad f. 1770.

Br. 1769—1797 og sidan nokre år frå 1807.

Han løyste ut garden i 1769 av Nils Wind for 110 rdl. og vart sjølveigar. I 1775 var han lagrettemann saman med Elling Olsen Kjemphol gav han det året lovnad på hausttinget i Honningdal om at alle frå Sykkylven som reiste til Borgund for å fiske og som leigde seg hus der, frivilleg og i gode og vonde år ville betale 4 skilling til manns i fisketiende til soknepresten i Borgund, Christian Meldal, slik dei før hadde betalt til far hans, prost Meldal. Ørskogbygdarane lova det same. Fiskarane frå Skodje hadde betalt 8 skilling til manns i fisketiende til presten i Borgund, og lova å gjere det også for ettertida.

I 1797 gjekk Elling og Johanne over på kår. Dei skulle m.a. ha fôr til 5 kyr, 4 sauer og 3 geiter, dessutan 14 våger bygg, 14 våger havre, halvparten av humla og fritt hus. Her er serskilt nemnt ei lita stove som vert kalla Nystova. Skiftebuet etter Johanne Jansdtr. i 1810 hadde ei netto eige på 434 rdl.

Versonen

*Jakob Olsen Velle* frå Jakobgarden f. 1770 g. 1796 m. Helge Ellingsdtr. Dravlaus (f. 1777, d. 1803) tok over gardsdrifta i 1797 og sat som brukar til han vart enkjemann. Sidan flytte han til Øye i Hjørundfjord. Skiftet etter Helge Ellingsdtr. i 1804 synte ei brutto eige på 229 rdl. Gjelden var 16 rdl. I åra som fylgde var det truleg Elling Olsen som tok over gardsdrifta att til dottersonen kom så langt at han makta oppgåva.

*Bernt Jakobsen Dravlaus* (f. 1797, d. 1861) g. 1817 m. Siri Knutsdtr. Lade frå Jetmundgarden (f. 1800, d. 1840).

Br. 1815—1846.

Han ervde  $23\frac{5}{8}$  mark av bruket etter bestemor si i 1810, og fekk skøyte på resten, 2 pd.  $22\frac{7}{8}$  mark, frå bestefaren Elling Olsen og syskena sine i 1815. Kår til Elling Olsen og Helge Jansdtr. Då det i 1818 vart bygt magasinhus for korn på Dravlaus, let Bernt opp tomt for 4 spd. i grunnleige ein gong for alle. I 1831 var det jordskifte av innmarka på Dravlaus. Ved den nye skyld-

settinga i 1838 vart den gamle skylda 1 våg 22½ mrk. endra til 2 dlr. 4 ort og 8 skilling. Bernt Jakobsen fødde i 1845 1 hest, 9 kyr, og 15 sauer. Sånaden var 1 t. bygg, 2 t. bl.korn, 5 t. havre og 2 t. poteter.

Versonen

*Nils Salmundsen Brunstad* frå Bøen (f. 1813, d. 1904) g. 1845 m. Helge Johanne Berntsdtr. Dravlaus (f. 1820, d. 1870).

Br. 1846—1870.

Skøyte frå Bernt Johannes Jakobsen i 1846 for 320 spd. Kår.

Sonen

*Severin Nilssen Dravlaus* (f. 1848, d. 1908) g. 1869 m. Anne Marie Bastiansdtr. Velle frå Karigarden (f. 1850, d. 1939).

Br. 1870—ca. 1895.

Born: Nils Johan f. 1870 g. på bruket. Anna f. 1879 g.m. Ole Petter Larssen Hole i Jørngarden. Bastianne f. 1892 g.m. Ole Petter Jenssen Velle i Toregarden.

Severin fekk skøyte på Ellinggarden frå far sin i 1868 for 700 spd. Kår frå 1870. Han fødde i 1875 1 hest, 1 unghest, 11 kyr, 1 okse, 2 ungdyr, 2 sauer og 1 gris. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4 t. havre, 4 t. poteter, og han hadde 6 ar med rotfrukt. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda, 2 dlr. 4 ort og 8 skl. revidert til 5,04 mark.

Sonen

*Nils Johan Severinsen Drabløs* (f. 1870, d. 1950) g.l. 1896 m. Lovise Fredriksdtr. Fet frå Hansgarden (f. 1874, d. 1902) g.2. m. Olivia Olsdtr. Løset (f. 1884, d. 1934).

Br. ca. 1895—1941.

Born i 1. ekteskap: Sigurd Adolf f. 1898 (Uts. nr. 275) g.m. Hanna Hansdtr. Fet. Sjø Fet bnr. 3. Fredrik f. 1902, tannlækjar i Ålesund, g.m. Hildur Pettersen.

Born i 2. ekteskap: Lovise f. 1907, d. 1922. Anna f. 1910. Olav f. 1917, g. på bruket.

Nils Severinsen Drabløs gjekk landbruksskulen og amtskulen i ungdomstida. Kring 1900 flytte han frå gamletunet og sette opp ny stove og ny løe eit stykke lenger sør. Løa var ei av dei første i bygda som vart utstyrt med køyrebru. Fram gjennom åra dyrka han svært godt opp garden sin, og han ol fram ein gild buskap. Han dreiv og med fylmerrar. I 1900 fekk han møte i Danmark med merra si, Ljosa, på 18. danske landmannsforsamlings utstilling i Odense. Ho fekk 2. premie og bronsemedalje med diplom



*Fet, Dravlaus og Velle har i over 60 år hatt forening for Santalmisjonen. Møta har gått på omgang i heimane. Dette bilete vart teke i mars 1954 under eit møte i Ellinggarden på Dravlaus der medlemene m. a. drøfta 40-års-festen som, laget heldt kort tid etter.*

*Sitjande frå venstre: Berte Hole Drabløs (bnr. 4), Hanna, J. Drabløs bnr. 6, Anne Weiberg-Aurdal, Velle (bnr. 13), Johanne Drabløs (bnr. 13), Severine (Sylla) Fet (bnr. 8), Olava Welle (bnr. 2), Anna L. Velle (bnr. 3).*

*Ståande bak frå venstre: Anna N. Drabløs (bnr. 2), Johanne Fausa, Drøbløs (bnr. 1), Hanna Drabløs, Fet (bnr. 3), Oddbjerg Lervåg Drabløs (bnr. 7), Berte Johanne Velle (bnr. 1), Asta Fet (bnr. 2), Lovise J. Fet bnr.2), Lovise Nysæter, flytt til Vik, (under bnr. 6), Johanne L. Fet (bnr. 6), Petra Weiberg-Aurdal, Velle (bnr. 7), Ellen Velle (bnr. 6), Bastianne S. Velle (bnr. 10), Anna I. Velle (bnr. G).*

*Foto: Gwa.*

som framleis pryder stoveveggen i Ellinggarden. Han planta også ein del skog. Han fekk Møre Landbruksselskap sin premi med pokal i 1946 for jorddyrking og husdyrstell. Frå 1902 til 1942 var han styremedlem i Sykkylven Sparebank.

Sonen

*Olav Nilssen Drabløs* f. 1917 g. 1945 m. Oddrun Ragnhild Olsdtr. Fet frå Jørngarden f. 1918.

Br. 1941—

Born: Nils Sigurd f. 1945 g. 1968 m. Åshild Arnesdtr. Velle frå Samundgarden på Dravlaus. Han er gardbrukar. Odd Jarl f. 1948, elev ved (Distriktshøgskulen. Olaug Lovise f. 1952, førskulelærar.



Olav N. Drabløs gikk ungdomsskolen og landbruksskolen før han tok over garden. Skøyte frå far sin i 1941. Kår. I 1966 sette han opp ny driftsbygning saman med kona si har han lagt ned eit stort arbeid på garden, og han har vore ein føregangsmann innan storfealet. Ved sida av arbeidet med bruket har han vore fjøskontrollør i Velledalen, formann i Velledalen Fealslag. Medl. i skulestyret og kommunestyre, og i forstandarskapet til Sykk. Sparebank.

### BARBROGARDEN bnr. 3.

*Helge Olsen*, br. ca. 1600—ca. 1645.

*Ole Helgesen Dravlaus* brukte 5 mællag ca. 1645—ca. 1650,

*Ole Jørgensen Blindheim* f. ca. 1613 g. ca. 1643 m. *Helge Dravlaus*.

Br. ca. 1650—ca. 1685.

Truleg hadde Ole farsbruket på Blindheim nokre år før han kom til Dravlaus. I 1655 var han mellom dei som fekk bot fordi dei ikkje møtte fram til skyssteneste då Ove Bjelke reiste frå Østeråt til Bergen. Våren 1667 var det umogleg å få kjøpe såkorn i distriktet, og det var dyrtid. Ole Jørgensen og nokre andre frå Sykkylven fekk borge noko såkorn hjå Ivar Jensen Barnsbild i Laurvig gjennom heimelsmannen hans på Sunnmøre, Christen Jensen Venddbo. Gjelden til Ole var ½ rdl. Året etter vart han saman med dei andre karane stemnd for retten, og dei vart dømde til å betale innan 14 dagar.

*Helge Olsen Dravlaus* (f. ca. 1664, d. ca. 1715) g.m. Berte Olsdtr. d. ca. 1711, gift att, kanskje med Barbro Olsdtr. Velle. (Sjå nedafor).

Br. ca. 1685—ca. 1717.

I siste ekteskap hadde Helge sonen Peder (f. ca. 1713, d. 1727) Med Berte Olsdtr. hadde han to born. Sonen Ole vart gift til Ingarden på Kjemphol. I 1738 vart Ole og nokre andre frå bygda stemnde for retten fordi dei ein langfredag på veg heim reiste forbi kyrkja i Borgund utan å gå inn til gudstenesta. Kvar av dei måtte bøte med 4 skilling til Kongen, 3 mark til Molde Hospital, og dessutan måtte dei betale sakskostnadene. Skiftet etter Berte Olsdtr. i 1712 synte ei brutto eige på 74 rdl. Gjelden var 18 rdl.

*Nils Olsen* (f. ca. 1673, d. 1754) g. ca. 1717 m. Barbro Olsdtr. Velle (f. ca. 1675, d. 1751) (Enkje etter Helge Olsen?).

Br. 1717—1743.

Nils Olsen fekk først bygsle 4½ mællag, og i 1725 eit mællag i tillegg. Barbrogarden har fått namnet sitt etter Barbro Olsdtr.

Sonen

*Helge Nilssen Dravlaus* f. 1717, d. 1797) g. 1744 m. Marie Pedersdtr. Lade (f. 1722 d. 1786).

Br. 1743—1788.

Han fekk bygselsetel i 1743 frå Drude Finde f. Frimann på 5 mællag 5½ mrk. Helge var lagrettemann. I 1769 løyste han ut garden av Nils Wind for 110 rdl., men han måtte låne halve kjøpesummen. Denne gjelden vart tung å greie, og i 1772 selde han garden til strandapresten Ebbe Carsten Tønder for 100 rdl. Skiftebuet etter Marie Pedersdtr. i 1786 hadde ei brutto eige på 59 rdl. Gjelden var 12 rdl. Helge Nilssen gjekk over på kår i 1788 og let bruket over til sonen

*Peder Helgesen Dravlaus* (f. 1763, d. 1830) g. 1788 m. Marie Larsdtr. Riksheim (f. 1767, d. 1824).

Br. 1788—1815.

Han fekk bygselsetel på 1 våg 22½ mrk. i 1788 av prostinne Susanne Brochmann Angel, enkja etter Ebbe Carsten Tønder. Skiftebuet etter Marie Larsdtr. i 1824 hadde ei brutto eige på 166 spd. Gjelden var 12 spd.

Sonen

*Martinus Pedersen Dravlaus* (1789, d. 1869) g. 1815 m. Johanne Laurentze Jakobsdtr. Fet frå Hansgarden (f. 1796, d. 1877).

Br. 1815—1852.

I 1792 hadde gardeigaren, prostinne Tønder, selt Barbrogaren for 100 rdl. til presten Hans Rasmus Astrup som i 1810 selde garden til Martinus Pedersen Dravlaus for 300 spd. Martinus vart dermed sjølveigar. Foreldra hans fekk kår frå 1815. I 1831 var det jordskifte av innmarka på Dravlaus. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 1 våg 22½ mrk., endra til 2 dlr. 4 ort og 8 skl. Buskapen var i 1845 1 hest, 9 kyr, 15 sauer. Sånaden 1 t. bygg, 2 t. bl.korn, 5 t. havre og 1 t. poteter. Martinus Pedersen var medhjelpar i kyrkja. Sonen

*Helge Martinussen Dravlaus* (f. 1816, d. 1875) g. 1852 m. Olave Petrine Larsdtr. Brunstad frå Bøen (f. 1835, d. 1917).

Br. 1852—1878.

Born: Jens f. 1856 g. på bruket. Marte f. 1860 g.m. Jens Gjævenes. Sjø Gjævenes bnr. 2. Lovise f. 1863, d. 1881. Anne f. 1866 g.m. Severin Johansen Straumsheim i Teigen. Sjø Straumsheim bnr. 7.

Helge Martinussen fekk skøyte på Barbrogarden frå far sin i 1862 for 350 spd. Kår. I 1875 fødte han 1 hest. I unghest, 10 kyr, 2 ungdyr, 20 sauer og 2 grisar. Sånaden var ¼ t. bygg, 3 t. bl.korn, 4 t. havre, 3 t. poteter, og han hadde 4 ar med rorfrukt.

Enkja Olave Petrine Larsdtr. gifte seg att med

*Knut Ottesen Klock* (f. 1848, d. 1921)

Born: Hansine f. 1877 g.m. Knut Ulvestad, Vatne. Peter Severin f. 1880 g.m. Lovise Møllsæter. Glasmagasinförretning i Ålesund.

Knut og Olave brukte ikkje garden, men Olave hadde kår, og dei budde i Nystova som stod eit kort stykke ovafor Barbrostova. Om vintrane dreiv Knut torskefiske, og om somrane var han slåttemann, såleis i Hjørundfjord i mange år.

Son til Helge Martinussen og Olave Larsdtr. tok over Barbrogarden. Det var

*Jens Helgesen Drabløs* (f. 1856, d. 1925) g. 1878 m. Olave Eriksdtr. Velle frå Myra (f. 1852, d. 1917).

Br. 1878—1913, seinare saman med sonen til ca. 1918.

Born: Hanna f. 1878, jordmor, g.m. Fredrik H. Drabløs. Sjø Toregarden bnr. 6. Johanne i 1880, g.m. Sivert Erdal. Sjø nedafor. Edvard f. 1883 g.m. Astrid Peersen, Oslo. Sjø nedafor. Ole f. 1886, d. 1969, g.m. Oline Andersdtr. Vassbotn i Volda. Ole var gardbrukar i Vassbotn, banksjef og ordførar i Volda. Lovise f. 1889 g.m. Ole Johan Nikolaisen Fet i Jørngarden. Karl f. 1892, d. 1966, bokhaldar i Andresens Bank, Oslo, g.m. Ragna Andersdtr. Vassbotn, Volda. Johan f. 1894 g. på bruket. Petter f. 1897, d. 1917.

Jens Helgesen fekk skøyte frå mor si i 1878 for 2.800 kroner og kår. Han la ned eit stort arbeid på bruket, dyrka og pløgde. Gamleåkrane la han att. Gjennom setjepoteter som han skaffa frå Norddal fekk han stor auke i avlinga. Han planta ein gild hage av epletre og bærbuskar. Då Nils Johan Severinsen Drabløs i Ellinggarden bnr. 2 sette opp nye hus, kjøpte Jens Helgesen den gamle Ellingstova og låa for 1.400 kroner og ein del dagsverk. Det var i 1898. Av gamle Barbrostova vart eldste delen (storstova) seld til Jogarden på Hole og sett opp att som sel på Myrdalen.

Resten av stovehuset for til Lade der det vart nytta som hønsehus.

Jens Helgesen reiste ein del som maskinagent i distriktet. Han var teknisk interessert, og eksperimenterte m.a. med ein hyppeplog for poteter og grønsaker; han fekk patent på denne plogen sin. I 1920 gifte han seg att med Petrine Midtgård og flytte til Midtgård.

Farbror til Jens, Peter Martinussen, (f. 1824, d. 1897) budde i Barbrogarden. Han var bygningsmann og snikkar. M.a. laga han vevstolar.

Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda på bruket, 2 dlr. 4 ort og 8 skl., revidert til 4,83 skyldmark.

Son til Jens Helgesen og Olave Eriksdtr. tok over Barbrogarden. Det var

*Edvard Jenssen Drabløs* f. 1183 g. 1920 m. Astrid Peersen frå Oslo.

Br. 1913—1918.

Born: Gry f. 1921. Gerd f. 1922 g.m. Karsten Veisdal. Liv f. 1928 g.m. Leif Caspersen.

Edvard Drabløs fekk skøyte på bruket frå far sin i 1913 for 4000 kroner og kår. Han hadde gått framhaldsskulen, folkehøgskulen i Ørsta i 1905 og seinare Treider handelsskule i Oslo. Nokre år reiste han som agent for Singer symaskinar. Men alt i unge år hadde han fått stor interesse for skodespelarkunsten, og han vart også gripen av arbeidet for den nynorske kulturreisinga i by og bygd. Gjennom eit nært samarbeid med Hulda og Arne Garborg med fleire var Edvard Drabløs med å skipe Det Norske Teatret. I over 40 år arbeidde han ved denne scena som skodespelar og fleire bolkar som teatersjef og meir enn nokon annan har han fått æra av å ha bore fram og føstra dette teatret. Sjølv vart han ein av dei fremste skodespelarane i landet i si samtid. Han var også ofte med i Radioteatret, Fjernsynsteatret, og som opplesar i litterære program i radio og på festlege tilstellingar rundt om i landet. Etter 40—50 års innsats som scenekunstnar vart Edvard Drabløs heidra av Kongen med St. Olavs orden.

Barbrogarden selde han i 1818 til verbroren

*Sivert S. Erdal* frå Oppstryn f. 1879 g.m. Johanne Jensdtr. Drabløs (f. 1880, d. 1960).

Br. 1918—1925.

Born: Signe f. 1915 g. Ingebretsen. Minneapolis, USA. Oddlaug f. 1917. Bergljof f. 1919.

Sivert Samuelsen Erdal betalte 6000 kroner for garden. Kår til Jens Helgesen. Sivert sat som eigar og brukar til 1925 då han reiste til USA. Utvs. nr. 280. Seinare busette han seg i Oppstryn. Barbrogarden overlét han til verbroren.

*Johan Jenssen Drabløs* (f. 1894, d. 1968) g. 1922 m. Astrid Rasmusdtr. Halkjelsvik frå Volda f. 1897.

Br. 1925—1968.

Born: Bergljot f. 1923 lærarinne, g.m. lækjar Jens Hetland Halvorsen. Busett Bergen. Jostein f. 1925 g. på bruket Ragnhild f. 1931, lærarinne, g.m. tannlækjar Olav Hjortdal.

Etter studenteksamen i 1919 tok Johan Drabløs først lærarprøva og var lærar ved Volda Mellomskule og Gymnas. Sidan utdana han seg til tannlækjar og praktiserte m.a. i Bærum til 1941 då han flytte til Sykkylven. Til denne tid hadde han bolkevis drive Barbrogarden med leigd hjelp. Frå 1941 budde han på garden, og han la ned både mykje arbeid og stor kostnad på bruket som han dyrka og odla på beste måte. Stovehuset utvida han og bygde om frå grunnen av i 1941 og 1949, og i 1949 sette han opp ei stor og moderne driftsbygning. Han dels kjøpte og dels ol fram ein svært gild buskap. Ei tid dreiv han også med griseal. Som tannlækjar gjorde han eit banebrytande arbeid for skuletannrøkta i bygda. Han var medlem i kommunestyret i Sykkylven og ei tid varaordførar. I 1945 gjorde han opptaket til at lokalavisa «Sykkylvsbladet» kom ut. I yngre år var han leiar for kor og musikklag.

Sonen

*Jostein Johansen Drabløs* f. 1925, g. 1951 m. Liv Larsdtr. Tjensvoll frå Volda f. 1926.

Br. frå 1968.

Born: Helge f. 1952. Astrid Kjellaug f. 1956. Eivind f. 1965.

Etter examen artium i 1946 gjekk Jostein Drabløs landbruksskulen i 1949, og tok lærareksamen i 1955, eksamen frå Statens lærarskule i forming i 1956, og vart lærar ved Ungdomsskulen på Aure. Liv Drabløs har gått realskulen, folkehøgskule i Askov, Danmark, i 1947, og husmorskule, Stabekk, i 1948. Ho har vore timelærar i husstell ved Ungdomsskulen på Aure. Barbrogarden tok dei over då Johan Drabløs døydde i 1968, og dei driv bruket ved sida av lærargjerna. I seinare år har dei på Barbrobruket gått over til slakteksar i staden for mjølkekyr. På Dravlausstølen har Jostein Drabløs teke opp arbeidet med å dyrke eit større felt av setrestykket.

Han har vore medlem i kommunestyret. Er også interessert i song og musikk og har lagt ned eit stort arbeid som dirigent.

BØTELGARDEN brn. 4.

*Ole*, br. 15.—ca. 1609. Han skattar som husmann i 1604.

*Ole Sæmundsen*, br. ca. 1609—ca. 1621.

*Jetmund Sæmundsen* f. ca. 1585.

Br. ca. 1621—og til etter 1665.

Han brukte 2½ mællag. I 1658 skatta han av ein buskap på 1 hest, 10 kyr, 1 geit og 6 sauer.

Sonen

*Jon Jetmundsen Dravlaus* f. ca. 1641.

Br. ca. 1666—1716.

*Ole Olsen Velle* (f. ca. 1696, d. 1726) g.m. Berte Jonsdtr. (f. ca. 1693, d. 1770).

Br. 1716—1727.

Han fekk bygselbrev på 3 mællag i 1716 av Otte Finde. Enkja Berte Jonsdtr. g.2. 1727 m.

*Botolv Tollerén* (f. 1681, d. 1738).

Br. 1727—1738.

Bygselsetel frå major Rømer på 2 mællag 15 mrk. i 1728. Botolv var nemnd som tambur i 1724.

Enkja Berte Jonsdtr. g.3. 1739 m.

*Ole Knutsen Hole* (f. ca. 1710, el. 1755).

Br. 1738—1755.

Han fekk bygselsetel frå major Rømer på 3 mællag i 1738. Ole Knutsen var lagrettemann.

Etter Ole kom son til Botolv Tollefsen og Berte Jonsdtr. Det var

*Ole Botolvsen Dravlaus* (f. 1729, d. 1793) g. 1750 m. enkje Anne Eriksdtr. Ramstad (f. 1723, d. 1791).

Br. 1755—1785.

Den første tida bygsla Ole garden, men i 1769 løyste han ut bruket av Nils Wind for 65 rdl. og fekk skøyte. Skiftebuet etter Anne Eriksdtr. i 1701 hadde ei brutto eige på 26 rdl. Gjelden var 8rdl.

Sonen

*Botolv Olsen Dravlaus* (f. ca. 1760, d. 1825) g.1. 1789 m. Gjertrud Larsdtr. Riksheim (f. 1760, d. 1802) g.2. 1803 m. Marie Helgesdtr. Dravlaus frå Barbrogarden (f. 1759, d. 1817) g.3. 1819

m. enkja Pernille Pedersdr. Eidem (Jenshaugen bnr. 6) (f. ca 1764, d. 1842).

Br. 1785—1823.

Botolv Olsen fekk skøyte på bruket frå far sin i 1785 for 65 rdl. Kår. Botolv var lagrettemann. Skiftebuett etter Gjertrud Larsdr. i 1802 hadde ei brutto eige på 337 rdl. Gjelden var 39 rdl.

Son til Gjertrud og Botolv tok over bruket. Det var

*Gjert Botolvsen Dravlaus* (f. 1802, d. 1854) g. 1823 m. Tyri Jonsdr. Stave (f. 1795, d. 1853).

Br. 1823—1845.

Han ervde halve bruket etter mor si som døydde på barsel då Gjert vart fødd. Den andre halvparten fekk han skøyte på frå far sin i 1823 for 44 spd. og kår. I 1831 var det jordskifte på innmarka på Dravlaus. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 2 pd. 4 mrk. endra til 1 dlr. 3 ort og 14 skl. Gjert fødde i 1845 1 hest, 6 kyr, 12 sauer og 1 gris. Sånaden var ½ t. bygg, 1 ½ t. bl.korn, 3 t. havre og 1 t. poteter. Gjert måtte låne ein del pengar siste åra han sat med bruket. I 1845 bygsla han bruket til

*Ole Petter Nilssen Klokkehaug* (bnr. 1) (f. 1820, d. 1867) g. 1840 m. Bastiane Jensdr. Eidem frå Jenshaugen bnr. 6 (f. 1821, d. 1901). Ho var dotterdotter til kårkona Pernille Pedersdr. som døydde i 1842.

Br. 1845—1876.

Born: Nikoline f. 1845 g.m. Bastian Nikolaisen Velle i Askjellgarden. Bernt f. 1850 g.m. Nikoline Gundersdr. Grebstad i Ellinggarden bnr. 8. Olave f. 1865 g.m. Jens Jakobsen Velle i Myregarden bnr. 15.

Ole Nilssen fekk bygselsetel frå Gjert Botolvsen i 1845. Kår. I 1875 fødde dei på Bøtelbruket 1 unghest, 6 kyr, 2 ungdyr, 14 sauer og 1 gris. Sånaden var ½ bygg, 2½ t. bl.korn, 3½ t. havre og 2 t. poteter. I skiftet etter Gjert Botolvsen i 1855 vart bruket utlagt til versonen Lars *Nikolai* Larssen Velle g.m. Berte Gjertsdr. Dravlaus for 192 spd. Han gav i 1876 bruket over til versonen

*Karl Pedersen Hjorthol* (bnr. 4) (f. 1849, d. 1918) g.m. Karen Nikolaisdr. Velle frå Askjellgarden bnr. 7 (f. 1846, d. 1919).

Br. 1876—1918.

Born: Peter f. ca. 1883. Han var sjuk. Berte f. 1887. g. på bruket.

Karl fekk skøyte i 1876 for 500 spd. og kår til enkja Bastiane Jensdtr.. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda 1 dlr. 3 ort og 14 skl. revidert til 3,01 mark.

Ved sida av gardsdrifta dreiv han trearbeid. Han planta ein liten hage i tufta etter Ivastova. Det var mest bærtre.

Versonen

*Petter Larssen Hole* frå Jørngarden (f. 1883, d. 1964) g. 1915 m. Berte Karlsdtr. Drabløs (f. 1887, d. 1966).

Br. 1918—1952.

Born: Karen f. 1915 g.m. Egil Skåre. Sjø Dravlaus bnr. 34. Kåre f. 1917 g. på bruket. Lars f. 1919 g.m. Laura Olsdtr. Fet frå Martinesgarden. Sjø Dravlaus bnr. 15. Jon f. 1922 g.m. Olbjørg Jakobsdtr. Selboskar. Sjø Straumgjerde bnr. 64. Astrid f. 1926, telefonstyrarinne, g. 1965 m. Jostein Larssen Nysæter. Per Arnljot f. 1928 g.m. Signe Engeland frå Naustdal. Sjø Straume bnr. 44.

Petter Larssen Hole Drabløs var 3 gonger i USA. Utvs. nr. 600. Etter at han kom heim frå andre ferda til USA, løyste han ut Bølelgarden. Skøyte i 1915 frå Karl P. Drabløs for 4000 kroner og kår. Etter jordskiftet på Dravlaus i 1919 måtte Bøteltunet flytte sørover til bytet mot Velle. Petter sette først opp stabbur og ny løe. I 1925 bygde han også nytt stovehus. Han var ein dugande arbeidskar og la ned mykje arbeid på garden. Han var også snikkar, og hadde mykje godt snikkarverktøy. I USA arbeidde han lenge i gull- og sylvminer. Han var også med i eit lag som var på gullgraving til Finnmark i 1912.

Sonen

*Kåre Pettersen Hole Drabløs* f. 1917 g. 1945 m. Kjellaug Jaohsdtr. Bratheim frå Hjørundfjord f. 1916.

Br. frå 1952.

Born: Annlaug f. 1945 g.m. Johan Grebstad. Sjø Hjorthol bnr. 6. Per Borge f. 1949. Bjørg Karin f. 1958.

Kåre Hole Drabløs har vølt og modernisert stovehus og driftsbygning, kjøpt traktor med reiskap i 1952, bygt 2 silokummar og dyrka ein del jord. Ved sida av arbeidet med bruket har han drive fabrikkarbeid saman med brørne sine Lars og Jon dreiv han møbelverkstad i kjellaren i 1940-åra, gjekk sidan saman med Norvald og Perry Fet nokre år og dreiv fabrikkverksetnd, til Kåre, Lars og Jon Hole Drabløs i 1951 bygde eigen fabrikk, Drabløs Lenestolfabrikk. Seinare leigde Hjalmar Brunstad dette fabrikk-



bygget nokre år. Frå 1968 har Norvald Fet leigd huset, og driv møbelproduksjon der.

KAROLUSGARDEN (Jakobgarden) bnr. 5.

*Halvar*, br. 15.—ca. 1612.

*Jetmtnd Paulsen*, br. ca. 1612—ca. 1655, skafta av eit bruk på 2½ mællag. Ca. 1634 gjorde lauseld stor skade på husa hans. Saman med andre brukarar på Dravlaus og i bygda elles fekk Jetmund i 1655 bot fordi dei ikkje møtte fram til skyssteneste for «voris gunstige hr. stadsherris» (Ove Bjelke) då han reiste frå Østeråt til Bergen.

Son til Jetmund tok over bruket. Det var

*Ingebrigt Jetmundsen Dravlaus* f. ca. 1620, br. ca. 1655—ca. 1689. Han skatta i 1658 av 1 hest, 8 kyr. 1 geit og 2 sauer. I 1660 fekk han 3 mark sylv i bot fordi han støyte over ende stykmor si og gav henne eit slag.

Sonen

*Samund Ingebrigtsen Dravlaus* (f. ca. 1666, d. 1724) g.m. Marte Ellingsdtr. (f. ca. 1676, d. 1724).

Br. ca. 1689—1724.

Etter Samund kom

*Jakob Eriksen Tandstad* frå Johannesgarden bnr. 1 (f. ca. 1687, d. 1753) g.1. 1721 m. Synnøve Olsdtr. (f. ca. 1686, d. 1740) g.2. 1741 med Kari Ingebrigtsdtr. Hole.

Br. 1724—ca. 1753.

Jakob fekk bygselbrev i 1724 frå Otte Finde på 3 mællag.

Sonen

*Ole Jakobsen Dravlaus* (f. 1725, d. 1783) g. 1754 m. Marte Nilsdtr. (f. 1722, d. 1803).

Br. ca. 1753—1786.

Skiftebuet etter Ole i 1783 hadde ei brutto eige på 44 rdl. Gjelden var 10 rdl.

Sonen

*Jakob Olsen Dravlaus* (f. 1755, d. 1833) g. 1789 m. Berte Jørgensdtr. Hole (f. 1765, d. 1826).

Br. 1786—1819.

Han fekk bygselsetel på 3 mællag i 1786 av Anders Davidsen Kremmernes på Blakstad som hadde kjøpt dette bruket og Iva-

bruket på Dravlaus i alt 1 våg 2 mællag, av Nils Wind i 1769. Jakob la kår til foreldra sine frå 1788.

Jakob gjekk over på kår i 1819 og let bruket over til sonen

*Karolus Jakobsen Dravlaus* (f. 1790, d. 1861) g. 1818 m. Johanne Pedersdtr. Straumsheim (f. 1790, d. 1858).

Br. 1819—1856.

Han løyste ut garden i 1809 frå ervingane etter Anders Davidsen Kremmernes for 120 riksbankdalar. Truleg har han første åra brukt garden saman med foreldra. I 1831 var det jordskifte av innmarka på Dravlaus. Karolusgarden vart då utlagd om lag slik han er no, og Karolus flytte husa frå gamletunet og sørover dit stabburet i Karolusgarden står i dag. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 2 pd. 4 mrk., endra til 1 dlr. 3 ort og 14 skl. Buskapen i 1845 var 1 hest, 6 kyr og 12 sauer. Såaden var ½ t. bygg, ½ t. bl.korn, 3 t. havre og 1 t. poteter. Utflytting og husbygging etter jordskiftet i 1831 ser ut til å ha ført med seg store utgifter, og Kardus kom i gjeld. I 1856 selde han bruket til Andreas Olsen Haugset i Pålgarden for 195 spd. og kår.

Son til Karolus tok over bruket på bygsel. Det var

*Jakob Karolussen Dravlaus* (f. 1819, d. 1866) g. 1852 m. Susanne Knutsdtr. Kjemphol frå Ingarden (f. 1826, d. 1908).

Br. 1856- -1867.

Born: Johanne f. 1853 g. m. Nils Larssen Kjemphol i Ingarden bnr. 3. Karolus f. 1856 g. på bruket.

Jakob fekk bygselsetel i 1856 av Andreas Olsen Haugset. I 1865 fødde Jakob 1 hest, 7 kyr, 8 sauer og 3 geiter.

Enkja Susanne Knutsdtr. gifte seg att med

*Sivert Ingebrigtsen Velle* frå Knutgarden (f. 1835, d. 1911).

Br. 1867 -1887.

Barn: Jakob f. 1868, kjøpmann i Ålesund, g.m. Berta Walderhaug.

Før Sivert vart gift, hadde han sonen Peter f. 1859 med Johanne Marie Pedersdtr. Dravlaus, (By-Johanne-Maria). Peter voks opp i Øvste-Einane bnr. 7, Straumgjerde. Han vart lærar i Algård. G.m. Berte Madsdtr. Blindheim frå Erikgarden.

Sivert Ingebrigtsen fekk bygselsetel i 1867 frå Andreas Olsen Haugset. Andreas tinga seg samstundes rett til å få sommarbeite til 2—3 kyr på Dravlaus med fjøsplass og røkt. Buskapen Sivert åtte, var i 1775 1 unghest, 8 kyr, 3 ungdyr, 16 sauer og 2 grisar.

Sånaden var 14 t. bygg. 2½ t. bl.korn, 3½ t. havre, 3 t. poteter og han hadde 4 ar med rotfrukt.

Son til Jakob Karolussen og Susanne Knutsdtr. tok over bruket etter Sivert. Det var

*Karolus Jakobsen Drabløs* (f. 1856, d. 1949) g. 1886 m. Johanne Pettersdtr. Aure frå Knutgarden (f. 1864, d. 1946).

Br. 1887—1933.

Born: Petter f. 1888. Utvs. nr. 268. Sivert f. 1890. Utvs. nr. 269. Sofie f. 1891 g.m. Jakob Haukeberg, Ålesund. Laura f. 1894 g.m. Iver G. Abelset, Ørskog. Emma f. 1896 g. m. Peder Larssen Strømme. Sjø Straume bnr. 2. Anna f. 1899 g.m. Ansgar Olufsen frå Ålesund. Karl f. 1901. Utvs. nr. 266. Jakob f. 1903. Utvs. nr. 265. Bjarne f. 1905, kjøpmann, g.m. Kari Langeland. Sjø Straume bnr. 19. Olav f. 1905, tok over bruket. (Utv. nr. 267). Petra f. 1910 g.m. Ole Velsvik, Fosnavåg.

Karolus Jakobsen løyste ut bruket i 1887 for 3.350 kroner av Lars Peter Andreassen Haugset og Ole Andreassen Hovden. Kår til Sivert Ingebrigtsen og Susanne Knutsdtr. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda 1 dlr. 3 ort og 14 skl. revidert til 3,13 mark.

Karolus Jakobsen hadde vore dreng ymse stader m.a. 4 år hjå presten i Ørskog før han tok til som gardbrukar. Først i 1880-åra bygde han ny stove i Karolusgarden, og nokre år seinare sette han opp ny løe. I 1923 bygde han stovehus på nytt saman med kona si la han ned eit stort arbeid på garden som han dyrka godt opp. Karolus planta også ein del skog. I 1929 fekk han diplom og premi frå Møre og Romsdal Landbruksselskap for jorddyrking. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Karolus fiske i open båt i mange vintrar. Han var ofte med i åtringslaget til Jens Petter Ingebrigtsen Velle i Bøen bnr. 2 på Vik. Karolus var også murar. Første hengegolv i fjøs la han på Ulla. Elles har han m. a. sett opp kvelvingsbrua til Øyane på Hole, ei kvelvingsbru på Lade og ei kvelvingsbru over eit gjøl i Furstranda. Karolus var lenge medlem i kommunestyre og skulestyre, og han var med i styret til Sykkylven kommunale kraftverk alt frå verket vart skipa. Då Nedre Velledalen fekk rikstelefonstasjon i 1916, vart Karolus første styraren, og han hadde stasjonen til 1926.

Sonen

*Olav Karolussen Drabløs* f. 1905 tok over bruket i 1933. Skøyte frå 1934. Han reiste dit USA i 1926 (Utv. nr. 267) og kom heim

i 1932 då far hans hadde vorte sjuk. Nokre år seinare vart han sjølv sjuk, men han vann att helsa og har sidan lagt ned mykje arbeid på garden, m.a. dyrka 10—15 mål jord. I 1967 sette han opp ny driftsbygning. Han har også kjøpt inn ein heil del gardsreiskap for maskinell drift, m.a. traktor i 1955.

Han fôrar 5 kyr og 6—7 ungdyr. Ved sida av arbeidet med bruker har han drive agenturverksemd, og i 1953 byrja han med landhandel i huset sitt på Dravlaus. Han har hatt god hjelp både med gardsdrifta og i forretninga av systera

*Anna Karolusdr.* f. 1899, g.m. Ansgar Olufsen frå Ålesund (f. 1900, d. 1947).

Born: Signe (f. 1927, d. 1952) g.m. Bjarne Tangen. Arne f. 1942.

Anna Olufsen var styrar av rikstelefonstasjonen i Nedre Velledalen frå 1938 til 1948. Etter at ho vart enkje, har ho stått føre husstellet i Karolusgarden.

#### TOREGARDEN bnr. 6.

*Ole Toresen* f. ca. 1615 er den første ein kan finne på dette bruket.

Br. ca. 1640—ca. 1670.

I 1658 skatta han av 1 hest, 8 kyr, 4 geiter, 6 sauer og 1 okse. Saman med fleire andre frå Sykkylven fekk Ole Toresen i 1655 bot fordi han ikkje møtte fram til skyssteneste då Ove Bjelke reiste frå Østeråt til Bergen. Og i 1669 vart Ole og eit par karar frå Tjønes melde av fenrik Peder Larsen fordi dei ikkje ville føre han til kapteinen for å få ordre frå obersten. Tjøneskarane gjorde det klart at dei ikkje var heime ved husa sine då dei hadde fått skyssboda, og dei vart frikjende. Men Ole Toresen møtte ikkje på tinget, og han fekk ei mark i bot for stemnefall.

*Jon Toresen Lade* frå Hau-Knutgarden br. ca. 1670—1690.

I 1689 vart han kravd for 4 års kyrkjelandsskyld av ½ mællag, tils. 7 ort. Men Jon hevda at han betalar full landsskyld av bruket sitt til eigaren Margrethe Rasmusdr. Stud, og det kunne han føre prov for. Jon var 60 år i 1701.

Sonen

*Tore Jonsen Dravlaus* (f. ca. 1669, d. 1747) g.m. Siri Pedersdr. (f. ca. 1663, d. 1748).

Br. 1690—ca. 1740.

Han fekk bygselsetel i 1690 frå Christen Smith, og ny bygselsetel i 1720 på 3 mællag frå Otte Finde.

Sonen

*Peder Toresen Dravlaus* (f. ca. 1709, d. 1771) g. 1740 m. Berte Halsteinsdtr. Andestad frå Knutgarden bnr. 4 (f. ca. 1713, d. 1784).

Br. ca. 1740—ca. 1771.

Han sat først på bygsel, men i 1769 løyste han ut bruket, 3 mællag, av Nils Wind for 65 rdl. og vart sjølveigar. I 1762 var han lagrettemann. Skiftebuet etter Peder i 1772 hadde ei brutto eige på 118 rdl. Gjelden var 76 rdl.

Sonen

*Peder Pedersen Dravlaus* (f. 1754, d. 1788) g. 1783 m. Marte Paulsdtr. (.f. 1755, d. 1803).

Br. ca. 1771—1788.

Den eine halvparten av bruket vart i skiftet etter Peder Toresen utlagt til ein av kreditorane, Jakob Pedersen Erstad, for 32 rdl. Peder Pedersen ervde  $5\frac{2}{5}$  mark, og mor hans og syskena resten. Peder ervde også litt av mora sin part i skiftet etter henne i 1788, men han døydde kort etter. Enkja Marte Paulsdtr. gifte seg att i 1788 med

*Lars Knutsen Brunstad* (f. 1757, d. 1828) g.2. 1805 m. Marte Andersdtr. Straumsheim (f. 1752, d. 1815).

Br. 1788—1802, sidan truleg halve garden til 1815.

Lars Knutsen fekk bygselsetel i 1791 av Arne Arnesen Valgermo. Han hadde det året kjøpt den halvparten av Torebruket som Jakob Pedersen Erstad hadde teke over i 1772, og han hadde også kjøpt mesteparten av det syskena til Peder Pedersen hadde ervt. Lars Knutsen var lagrettemann. Torebruket vart i 1802 verdsett til 104 rdl. Skiftebuet etter Marte Paulsdtr. i 1804 hadde ei brutto eige på 109 rdl. Gjelden var 66 rdl.

Son til Peder Pedersen og Marte Paulsdtr. tok over Torebruket. Det var

*Peder Andreas Pedersen Dravlaus* (f. 1783, d. 1847) g. 1815 m. Siri Pedersdtr. Straumsheim (f. 1787, d. 1874).

Br. 1802-1848.

Han hadde ervt ca.  $7\frac{1}{2}$  mrk. av bruket etter foreldra sine. Resten, 1 pd. 21 mrk. fekk han kjøpe i 1802, og Peder var dermed sjølveigar. I 1813 vart han utkommandert til feltteneste. Han var lagrettemann i 1826. Jordskiftet av innmarka på Dravlaus i 1831

var i Peder si tid. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 2 pd. 4 mrk., endra til 1 dlr. 3 ort og 14 skl. Buskapen i 1845 var 1 hest, 6 kyr og 12 sauer. Såaden ½ t. bygg, 1½ t. bl.korn, 3 t. havre og 1 t. poteter.

Sonen

*Lars Johannes Pedersen Dravlaus* (f. 1825, d. 1874) g. 1848 m. Olave Petrine Knutsdtr. Velle frå Jogarden (f. 1825, d. 1881).

Br. 1848—1876.

Born: Petrine Severine f. 1849, d. 1875 g.m. Knut Ottesen Klock. Sjø Barbrogarden. Anne Oline f. 1854 g. på bruket. Karoline Elisabet f. 1856. Utvs. nr. 272. Ivrine f. 1859. Utvs. nr. 271. Peter Bastian f. 1862. Utvs. nr. 273. Berte f. 1806. Utvs. nr. 270, Syver f. 1871. Utvs. nr. 274.

Lars Johannes Pedersen fekk skøyte frå mor si, Siri Pedersdtr., i 1848 for 185 spd. og kår. Han måtte låne over halve kjøpesummen. I 1853 selde han bruket til Sivert Pedersen Dyrkorn for 167 spd., og sat resten av tida som bygselmann. Han fødte i 1875 1 unghest, 6 kyr, 2 ungdyr, 15 sauer og 1 gris. Såaden var ¼ t. bygg, 2½ t. bl.korn, 3 t. havre og 2 t. poteter.

Versonen

*Ole Tomas Larssen Hjorthol* frå Pålgarden (f. 1854, d. 1883) g. 1876 m. Anne Oline Larsdtr. Dravlaus (f. 1854, d. 1913).

Br. 1876—1886.

Han fekk bygselsetel i 1876 frå Sivert Pedersen Dyrkorn, og la kår til Olave Knutsdtr.

Enkja Anne Oline Larsdtr. gifte seg att i 1886 med

*Knut Andreas Pettersen Velle* frå Jogarden (f. 1860, d. 1932).

Br. 1886—1910.

Barn: Olave f. 1888, g. på bruket.

Knut Pettersen kjøpte bruket og fekk skøyte i 1886 av Petter Sivertsen Dyrkorn for 2.400 kroner. Ved skyldsettinga i 1890 vart skylda. 1 dlr. 3 ort og 14 skl. revidert til 3,01 mark. Knut braut og pløgde opp ein god del jord. Han reparerte også løa.

Versonen

*Fredrik Hanssen Fet* frå Pålgarden f. 1886 g.l. 1910 m. Olave Knutsdtr. Drabløs (f. 1888, d. 1921) g.2. 1923 m. Hanna Jensdtr. Drabløs frå Barbrogarden f. 1878, d. 1975.

Br. 1910—1950.

Born 1. ekteskap: Anna f. 1910. Jordmor. Knut f. 1912, g. på bruket, Oddlaug f. 1914 g.m. lærar Ole Elias Emdal. Sjø Sætre

bnr. 9. Hans f. 1916, d. 1936. Fridtjof f. 1919 g.m. Signe Petersdtr. Brunstad frå Jørngarden. Sjø Straume under bnr. 16, Haakon f. 1921.

Barn 2. ekteskap: Olav f. 1924, d. 2 d. gamal.

Fredrik Hanssen skreiv seg for Drabløs etter at han tok over Toregarden. I mange år dreiv han fiske og åtte båt saman med far sin, Hans Petter Fet, farbroren Ingebrigt Strømme, og Bernt Strømsheim. I 1904 sette dei motor i båten, og det vart den første fiskebåten med motor som gjekk ut frå fiskeværet Alnes der dei stasjonerte. Første tida var Fredrik maskinist, seinare vart han bestmann. I Toregarden la han ned eit stort arbeid. Han bygde nytt stovehus i 1912, og i 1921 sette han opp ny løe. Elles dyrka han mykje av garden, og fødde 5—6 mjølkekyr, ungdyr og 8—10 sauer. Han hadde også fylmerr og han ol fram fleire unghestar til dei vart selde som premidyr. Frå 1921 tok han over rikstelefonstasjonen i nedre Velledalen og i denne tida byrja han også å frakte posten mellom postopneria i Eilevgarden i Straumgjerde og Karigarden på Velle. I 1928 kjøpte han lastebil, og saman med sonen Knut dreiv han leigekjøring med bil i mange år. Frå 1929 hadde han konsesjon på gods- og personrute med den opne lastebilen sin frå Fausa til Straumgjerde i samband med M.R.F. sin rutebåt til Ålesund. Denne ruta kom serleg til nytte for mjølketransporten, og vart til stor lette for gardbrukarane.

Fredrik Drabløs har også sysla med bygningsarbeid. Som medlem i forsorgsstyret i kommunen og som formann i kvileheimstyret i 14—15 år la han ned eit stort arbeid, serleg for kvileheimen og dei gamle. Han var også medlem i kraftverkstyret i 32 år.

Hanna Jensdtr. Drabløs var jordmor i Velledalen.

Sonen

*Knut Fredriksen Drabløs* f. 1912 g. 1945 m. Aasta Olavsdtr. Overå frå Hjørungavåg f. 1917.

Br. frå 1950.

Born: Frode f. 1946. Bilteknisk Fagskule. Haldis f. 1948. Student. Anna Lisa f. 1951. Yrkesskule, husmorskule. Aud Oline f. 1954. Hans Olav f. 1956.

Knut Drabløs har vore disponent for Stranda og Sykkylven Billag frå 1940. Ved sida av dette arbeidet har han drive garden frå 1950. Han har bygt på stovehuset og modernisert det, kjøpt traktor og mekanisert drifta. Han dreiv også ei tid kolonial-

forretning, og har hatt bensinstasjon på Dravlaus frå 1949. Medlem i kommunestyret og i kraftverkstyret. Varaordfører.

#### SLETTEBØEN bnr. 7.

Som nemnt under Samundgarden bnr. 1 vart dette bruket delt i 1919. Den fråskilde halvparten fekk namnet Slettebøen med bnr. 7 og 4,37 mark i skyld. Første brukaren på Slettebøen var

*Jens Olsen Drabløs* frå Samundgarden (f. 1879, d. 1958) g. 1907 m. Johanne Olsdtr. Vik frå Heljegarden f. 1885.

Br. 1919—1948.

Born: Oddbjørg f. 1916 g. på bruket. Borghild f. 1922 g.m. Arne Olsen Hole. Sjå Brudevoll bnr. 29.

Jens Olsen Drabløs var to gonger i USA. Utvs. nr. 276. Han brukte Samundgarden saman med foreldra sine frå 1907 til 1916, og sidan saman med verbroren Edvard E. Lade til 1919 før garden vart delt. Jens fekk skøyte på Slettebøen i 1919 for 4000 kroner og halvt kår til mor si. Han bygde stovehus og lø i åra som fylgde, og reiste så i 1922 til USA att. Etter at han kom heim i 1925, ofra han seg heilt for gardsdrifta. Han veita ut og dyrka opp garden, bygde vernemur for elva, og ol fram eia gild buskap.

Versonen

*Laurits Karlsen Lervåg* frå Eidsnes i Borgund f. 1914 g. 1945 m. Oddbjørg Jensdtr. Drabløs f. 1916.

Br frå 1948.

Born: Jorunn f. 1946. Lærar. Jens Birger f. 1949. Teknikar. Lisbet f. 1954.

Laurits Lervåg fekk skøyte på bruket i 1947. Han hadde tidlegare drive fiske i 5 år, og lærde seg så til målar. Han bygde nytt stovehus på Slettebøen i 1948 og har også vølt gamlehuset og løhuset, kjøpt traktor på bruket og lagt ned mykje arbeid på garden elles.

Ved sida av å drive garden arbeider han no på fabrikk.

#### TUNHEIM bnr. 14.

Utskild frå Bøtelgarden bnr. 4 i 1952 med skyld 0,01 mark.

*Egil Olavsens Skåre* frå Oppstryn f. 1911 g. 1945 m. Karen Pettersdtr. Hole Drabløs frå Bøtelgarden f. 1915.



*Hoppeutstilling (marautstilling) på Dravlaus i 1936. Den største utstillinga av fjordhestrasen gjennom tidene. 136 hopper. Fredrik Drabløs (Tore-g.) og Knut Fausa (Samund-g) gjekk rundt på Dravlaus, Velle og Fet og tinga stall-plass til alle «gjestene». Grannane laga, båsar i stall, kuffjøs og smalefjøs, og alle vart nummererte, og kvar utstillar fekk sitt nummer med tilvist plass. Mykje folk samlast. Domarhuset vart laga etter teikning. Statskonsulent Nordang stod i spissen for sjølve utstillinga. I Tore-garden og Barbrogarden vart det mat-servering: Kaffi, brødmatt, middag, frukt. Musikkorpset .Lurlåt». (dir.: C. Ta.ndstad spela. Utstillinga var ein folkefest utover det vanlege. Statskonsulent Nordang sa ofte seinare at hoppeutstittnnga på Dravlaus var den gildaste mønstringa av fjordhestrasen han hadde vore med på. I bakgrunnen: Revegardane til Knut Fausa og Fredrik Drabløs.*

Barn: Ove Per f. 1956.

Egil Skåre har arbeidt som sjåfør. Han var såleis i 12 år i Stranda og Sykkylven Billag. I dei siste åra har han arbeidt på fabrikk. Bygde hus i 1954.

NYTUN bnr. 15.

Utskild frå Bøtelgarden bnr. 4 i 1953 med skyld 0,01 mark.

*Lars Pettersen Hole Drabløs* frå Bøtelgarden f. 1919 g. 1950 m.  
Laura Olsdtr. Fet frå Martinesgarden f. 1921.

Barn: Berit Johanne f. 1952.

Saman med brørne sine Kåre og Jon dreiv Lars Hole Drabløs møbelverkstad, først i kjellaren i Bøtelstova, og frå 1951 i eige nytt fabrikkbygg. Dette huset har dei seinare leigt bort. Lars Hole Drabløs bygde stovehus i 1949. Han og kona driv landhandel, og har butikk i kjellaren (Velledalen Handel).

## Velle, gnr. 26. [\(Til innhald\)](#)

Dativforma av namnet, Velli, er kjend frå 1100—1200-talet då bonden Gamle à Velli vert nemnd i ein ættlegg frå Sunnmøre. I 1520 vart namnet skrive Vold, i 1606 og 1617 Welde, i 1626 Welle, seinare på 1600- og 1700-talet Welde. Garden ligg på den flate vollen i nedre delen av Velledalen med høge fjell på både sider, og grensar i nordvest mot Dravlaus, i sørvest mot Brunstad, og i aust mot Hjortdal etter som Velledalen bøyer austover ved Kvernhusnova. Langs søre bergside i dalbotnen renn Storelva, først i jamt stryk mellom Tregardane med Dalemyra på austsida og Storavgjerdet, Bjønnagjerdet og Grogjerdet på vestsida. Sidan renn ho rolegare nedover Valjabøane og Sandane med Timmarsøya, Kjerrene, Nymarka og Tegane på vestsida, og Kløppeskiftet og Øyane på austsida. I Sandane og Øyane har ho skift laup både tidt og ofte i vassflø om hausten og isløysinga om våren, og ho gjorde då stor skade på marka. Etter tradisjonen kunne brukarane krevje ny deling av Øyetegane når elva hadde brote seg nytt far. I slik storflaum stod mesteparten av bøane på Velle under vatn, og det kunne vere vanskeleg å kome seg tørrskodd over postvegen sjølv i høge støvlar. Fjøshusa i gamletunet gjekk då fulle av vatn. Fram gjennom åra vart det her og der lagt bægje av stor stein over dei mest utsette brotstadene, men frå 1944 vart det sett i gang med ei større elveforbygging frå Kvernhusnova til Fitjabrua. Første tida grov dei bort sandmelar i elvelaupet med hakke og spade, drog det bort i trillebåre og køyrde stein til elvemuren med hest. Trass i mykje slit, mona det lite. Men i 1950-åra kom maskinane inn i biletet. Vassdragsstellet sette inn ein diger bulldozar. Han reinska opp elvefaret og gjorde det både djupare, breiare og beinare. Store lastebilar køyrde stein som var minert ut frå Karihammaren, og det vart bygt vernemur langs austsida av elva og storparten av vestsida.

På Reiten var det i eldre tid stokkar til bru over elva. I 1907

sette oppsitjarane på Velle opp kvelvingsbru av sementstein eit steinkast lenger sør, og denne brua gjorde teneste til flaumen braut henne ned i 1972. Siste åra slo det seg sprekker i kvelvingen, rekkverka losna, og etter kvart vart det livsfarleg å køyre over brua med dei store traktorane og tungt lasta tilhengarane. Brua var ikkje bygd for slike køyredoningar, og alder og frost hadde gjort sitt. Jordskiftet i 1969 gjorde vedtak om at ny bru skulle setjast opp på same staden. Oppsitjarane kjøpte først ein brukt ein fergeplattung på Aure til nytt bruspenn. Men vassdragsstelet et meinte det vart for stutt. Eit par år etter at brua fall ned, var det vanskeleg å kome over og nå i slåttemarka i Gjerda, men i 1974 kom dei svære bjelkane i spennbetong på plass med Helge Fet som entreprenør.

Velle er eit gamal gard. Funn i jorda tyder på at her bar vore busetnad alt frå steinalderen. Sigvart R. Velle i Knutgarden har funne fleire tunnslipte steinknivar under pløying på bruket sitt i ein åker nær løa. Her fann han også eit spinnehjul av kleberstein, tjukt som ein blyant. Diameteren i holet var ca. 3 cm. I ein elvemele ved Djuphylen i Øyane fann han også ein tunnslipt steinkniv. Då far til Sigvart, Rasmus, flytte frå gamletunet etter jordskiftet i 1911 og sette opp ny løe her, kom han ned på eit kollag i tufta og beresteinar etter ei gamal grue. I 1974 bygde Sigvart ein silokumme til løa. Då han grov ut tufta, møtte han på nytt dette kollaget. Dessutan kom han ned på ein opprettståande stolpe av tre, ca. 30 cm i diameter og ca. 70 cm lang, langt på veg innhola ovanfra, med kona endestykke nedst. Stokken opna seg på langs då han vart teken opp. Det er heilt tydeleg at ein her var nede på ein svært gamal bu plass. Dei gamle Nedstegardsåkrane låg her. Også namnet tyder på at her har vore tun før. Noko av Nedste-gardsåkrane hørte til Askjellbruket føre jordskiftet i 1911, og under grøftegraving her fann brukaren Nils Weiberg-Aurdal merke etter ei grav med beinrestar og kol. Han fann også ein fin understein av ei handkvern her, ca. 30 cm i diameter og 5 cm tjukk. Elles har ein på Velle gjort ymse andre funn. Eit tveegga sverd frå yngre jernalder er nemnt i «Sykkylven i eldre tid I», s. 66. Ole L. Velle og Sigvart R. Velle har funne pent foreseggjorde loddsteinar (sandstein) med hol i. Mest truleg er dette vevelodd. Om hovdingen Gamle på Velle, sjå under Eigarrar. I Tiendepenninglista frå 1520 er det nemnt tre brukarar på Velle. Det er Elling Vold som la ½ lodd sylv i skatt + ½ lodd

for jordegods. Hermen la  $\frac{1}{2}$  lodd, og Guttorm 1 lodd. Først på 1600-talet er det noko uklart kor mange bruk det var på garden, men det kan sjå ut til at der var minst 4 større bruk, og eitt eller to småbruk. Det største av dei fire bruka vert her seinare kalla bruk A. Det vart i tida 1610—1620 delt i tre bruk. Jakobgarden bnr. 6, Askjellgarden bnr. 7 og Jogarden bnr. 9. Knutgarden bnr. 4 fekk fråskilt ein del ca. 1690. Denne parten vart seinare kalla Nilsbruket Men det kvarv med kvart ut or biletet då Ingebrigt Pedersen i Knutgarden ca. 100 år seinare kjøpte dette bruket og slo det saman med Knutbruket att. Eit anna bruk som kvarv or biletet først på 1800-talet, var Gjerds-Lars-bruket. Eit mindre bruk vart ca. 1795 delt mellom Torebruket bnr. 10 og Karibruket bnr. 13. Plassemenn dukkar opp att frå ca. 1825. Reiten bnr. 11 er det eldste av dei nyare småbruka.

Innmarka var teigbytt til 1831 då det var jordskifte. Serleg stor mon gjorde ikkje dette skiftet. Teigane var mange og små til 1911 då det vart halde nytt skifte av innmarka, og bruka vart utlagde slik vi finn dei no. Åkrane låg spreidde over heile bøen. Tyngda låg på vestsida av vegen, men Jobruket og Karibruket hadde det meste av åkrane sine på austsida. I sørvestre luten av bøen no på Torebruket) var Fremstegardåkrane. Nedstegardåkrane låg mellom vegen og Kvennaveita på Knutbruket og Lars-bruket. Velle vart rekna som ein årviss korngard, og brukarane dyrka blandkorn, havre og litt bygg. Tust og skeidd gjekk etter måten tidleg or bruk i truskearbeidet hjå gardmennene, men reiskapane var gode å ha i bakhand, og låg vel gøymde i løene til 1920-åra. Etter tradisjonen var Kari-Åmund den første som tok i bruk truskemaskin på garden, og han nytta merra til trekk-kraft (hestevandring). Det må ha vore i 1830—1840-åra. Når Amund hadde truska ei hes, 24 golv, stogga han arbeidet. «Det kan vere nok maskinert på ein dag!» sa han. Etter kvart gjekk brukarane over til vasskraft med vasshjul. Torebruket hadde vasshjul ved Askjellkvernhuset på Reiten. Jakob- og Knutbruket hadde hjulet sitt på Askjellbruket ved Kvernveita, Amundbruket hadde hjulet sitt på Karibruket, i ei sideveite frå Kvennaveita. Jo- og Kari-bruket nytta kvernkallen i Karikvernhuset. Askjellfolket hadde hjulet i Holteigen under Bakkane på austsida av vegen, og vatnet samla dei i ein dam utafor Holen på Heggebakken. Når vatnet traut, og truskehjulet stogga, måtte dei vente til dammen fylte seg att. Frå vasshjula gjekk det snorer til truskenuskinane i løene. Desse inn-

retningane nytta dei til ca. 1910, og somme lenger. Rundt 1900-årsskiftet kjøpte Jens Petersen Velle i Toregarden ein piggmaskin som vart mykje nytta på Velle. Piggmaskinen var lettare og mindre enn gamlesorten, og dei drog den med handemakt. Plassingane nytta også mykje denne maskinen. Men frå 1910—1912 kom oljemotoren som drivkraft, og frå 1918 den elektriske motoren. Truskemaskinane vart etter kvar betra, og somme vart utstyrde med «ristarar» som hyfsa kornet or halmen.

I byrjinga av 1700-åra var det 4 kvernar på Velle, seinare 8. Den gamle Kari- og Jokverna stod i Grogjerdet på vestsida av Storelva, men Kari-Åmund saman med brukaren i Jogarden, truleg Jo-Knut, bygde ny dam i Kvennaveita på Jobruket, og dei sette opp nye kvernhus der. Etter tradisjonen betalte Kari-Åmund 5 spesiedalar til grannen for å få kvernhuset på austsida av Kvennaveita. På Reiten, lenger framme ved veita, hadde Askjell- og Rasmus-bruket sine kvernhus (Askjellkverna på austsida). Så kom Amund-og Jakobkvernhusa i Rustene lenger framme, og ved Kvernhusnova stod Tore- og Knutkvernane. Heggebakken hadde rett i Knutkverna. Alle kvernane «song» sine rim. Jakobkverna: «Gakk itte sand, Anders, gakk itte sand, Anders, e kleime me, e kleime me.» Torekverna: «E sit upponde enj bakkje å mæle åtånå Tore-Ola rakkje». Åmundkverna: «E site på ei slett å mæle åt enj flett». Og Knutkverna: «Jørn, Jørn, skunde de no mæ hummel å rug utta bya, e kleime me, e kleime me». Kvernane var i bruk til 1920-åra, og somme lenger.

Under baa verdskrigane var det stor auke i korndyrkinga. Etter at tyskarane kom til landet i 1940, vart det serleg strengt med kornlevering og minimalt løyve til å male korn til eige bruk. På Velle kjøpte Bastian Weiberg-Aurdal i Karigarden ei elektrisk tørke og ei kvern frå konkursboet til Sykkylven Aksjemylne på Aure og monterte dette utstyret i løa si. Det kom folk frå heile bygda og frå mange andre bygdelag med melder. Kverna gjekk mykje godt døgret rundt fram over hausten og vinteren, og mol «på løyve» om dagen og illegalt om natta.

Det har vore mange vanskar med å bli kvitt vatnet på dei flate bøane på Velle. Under Bakkane langs austsida av garden flaut Øvstegrova i krik og krok med eit breitt belte av myr og sekkedikje på baa sider. Jordskiftet i 1911 gjorde vedtak om å senke denne bekken djupare ved å grave ein stor, open kanal med mur på baa sider heilt frå Rasmusbruket på Velle og nord til

byttet mot Dravlaus. I 1915 vart planen utvida til også å gjelde Dravlaus og heilt til Storelva eit stykke sør for Fitjabrua. Det vart eit stort og langdrygt arbeid for brukarane å ta opp denne kanalen over kvar sine bruk, men kanalen vart til stor bate for jorddyrkinga.

Velle har hatt ein del utslåttar. Kvart bruk har m.a. hatt slåtte-teigar med skogaløer i Tegane og Gjerda på vestsida av elva, og elles har det vore utslåttar i Dalegjerdet, i Itlereiten, og på Brautestykka, alle på austsida av elva. Rasmusfolket hadde slåtte-stykke i Regndalskvitlane og Regndalsøyane, og Heggebakken i Skredene ovafor Tegane. Beste slåttestykkar har vorte dyrka, ein del utplanta med skog i seinare år. Gamal slåttemark som gjekk or bruk før 1900-årsskiftet var Tregardsgjerdet, Fossegjerdet og Steffengjerdet oppover langs Bergelva der «løa hans Erik» stod. Plassingane slo heilt opp i Tåa ved Klinthammaren og i Svadet. Herifra «meisa» dei graset ned. Slåtten varde i eldre tid heilt til vinternettene og snøen kom. I 1962 var det store bruk på Velle som med forhaustaren gjorde unna det meste av slåtten på 3 dagar.

Utmarka med skogteigar og heimehamn for buskapen låg sør for bøen og på bae sider. Heimehamna var svært god på alle måtar, heiter det om henne i 1865. Ho var sams til jordskiftet i 1905 delte henne i fire felt, med to felt på kvar side av Storelva. På vestsida hadde bnr. 1, 2, 9 og 10 den nordre luten, og dei sette opp sommarfjøsar på Reiten. I Berget, den sørlege luten, kom bnr. 6, 7, 13, og 14, med sommarfjøsar i Bjønnagjerdet. På austsida av Storelva fekk bnr. 4 og 15 den sørlege luten, og bygde sommarfjøs på Dalemyra. Den nordre luten fekk bnr. 3, 5, 8, 11 og 12. Etter at det vart slutt på geithaldet rundt 1900-årsskiftet, voks hamnegangane meir og meir att med skog og kratt, serleg breidde einen seg, og graset minka.

Skogteigane fylgde ikkje firdelinga av marka. Kvart bruk hadde fleire teigar. Nokre av plassingane hadde ikkje fått alle teigane sine utskilde, men hadde rett til å hogge ein viss del i høve til det hovudbruket tok ut av skogen. Kvart bruk hadde moldtak i Gåsmyra. Etter jordskiftet i 1969 vart heimeutmarka og utmarka utlagde til eigedoms grunn, i hovudsaka med grunnlag i firdelinga frå 1905.

Velle har to setrar, Regndalen og Vellesetra. Sjå «Sykkylven i eldre tid I», s. 114 f. Regndalen vart etter 1905 seter for bnr. 6, 7 og 13. resten av brukarane hadde Vellesetra som ligg i ein fjelldal

vest for garden Brunstad. I 1795 vart det rettssak med Brunstad om denne setra då brunstadkarane meinte at dei åtte både grunnen og skogen, og at Velle hadde rett til berre ein månads beite. Men no hadde nokre karar frå Velle vore der for også å skave rognebork, og dette vart dropen som fekk begeret til å flyte over. Den 80 år gamle Jakob Aure (bnr. 15) var første vitnet for Brunstad. I yngre år hadde han tent både på Brunstad og på Velle og hadde høyrte av gamalt folk korleis denne beiteretten kom i stand: Den kjende jordeierska, Margrete i Hanken, (sjå under Eigargar), åtte både Velle og Brunstad og fleire gardar i Velledalen. Ho hadde vore her inne med lagrettemenn og gitt Velle ein månads beite i Vellesterdalen, fordi seterstølen Regnedalen «skal have været for lang og indskrenket». Jakob Aure la også til ein anekdote om at ein av oppsitjarane på Velle ikkje hadde sagt seg heilt nøgd med denne ordninga. Men då var Margrete i Hanken blitt «fortrydelig», og ho hadde slege han i munnen med lommeduken sin, og sagt at dei slett ikkje skulle få der noko beite, når dei var så misnøgde.

Eit anna vitne, Peder Jetmundsen Brudevoll., hadde høyrte far sin fortelje at Margrete i Hanken la på brukarane på Velle å betale ¼ t. smør årleg til Brunstad sine oppsitjarar for denne beiteretten på ein måned.

Vitna frå Velle hevda at garden hadde beitt i denne dalen frå uminnelege tider, 8—9 veker kvart år, og at dei hadde brukt skogen i setremarka både til brennefang på setra og til å vøle sela med.

Domen gjekk ut på at bytet mellom Brunstad si utmark og Velle si setremark «bør gaa frå Elven op og vest efter i en Huus Tomt nederst på Velle seterstøl og derfra i Rød Uhren samt videre i høieste Tind,» med Brunstad si utmark på nordsida og Velle si setre-mark på sørsida av denne lina.

Gamletunet på Velle låg i ein krull på vestsida av vegen om lag i bytet mellom Askjell- og Karibruket. Frå tunet gjekk det geil sørover til Reiten. Dei fleste tun hadde hagar, (Torehagen, Johagen, Knuthagen) og småstikkelsbær- og kirsebærtre stod att til 1920-åra: Brunn hadde dei ved løene sine. Etter jordskiftet i 1831 flytte Kari-og Toretunet ut. Kari-Åmund sette opp ny stove på andre sida av vegen om lag der den nye Karistova kom i 1929. Tore-Ole, eller kanskje det var sonen Lars Andreas, flytte tunet ca. 100 meter sørover, med stova på austsida og løa på vestsida av vegen. I 1899 flytte så Ole K. Velle Jotunet nordover til nye tufter på austsida av vegen. Resten av garden flytte ut etter jordskiftet i 1911. Berre Askjell-



stova med fjøs og stabbur, og dessutan Kariløa stod att av gamletunet. Også desse husa er no komne bort, og nye sett opp på austsida av vegen.

Husa til plassingane som kom til i 1800-åra, stod på festestykka deira, og kom såleis ikkje med i gamletunet. Førre 1900-årsskiftet hadde jordmenn og plassingar kvar sine bedelag i gravferdene og i jula, men seinare gjekk bedelaga over i kvarandre. Dei gamle julegjesteboda gjekk på omgang. Den første mellom likemenn på garden las «vangilja», og den som hadde beste røysta, var føresongar i salmesongen etterpå. Husmora delte så ut gjestebodsmaten som på Velle i 1890-åra var ei lefse og to kakeskiver til kvar vaksen, ei lita «krita-lefse» der det stod «Glædeleg Jul» og ei lita kake var porsjonen til kvart barn. Det gjestene løyvde av maten, tok dei med heim. Attåt maten drakk dei øl.

Åkerbruk og feal har frå gamalt vore viktigaste levevegane på Velle som på mange andre gardar i bygda. I 1890-åra var brukarane med og skipa smørmeieriet ved Brunstad bru. Fealet skaut fart i 50-års-bolken som fylgde. Jordskiftet av innmarka i 1911 la tilhøva til rette for jorddyrkinga, og etter kvart kom dei moderne gardsreiskapane til sin fulle rett: slåmaskiner, rakeriver, høyvendarar, og i 1935 kjøpte B. Weiberg-Aurdal i Karigarden jordbrukstraktor, den første i bygda. Eit par år etter kjøpte han mjølkemaskin, også den første i Sykkylven. I 1935 kom Alfred Weiberg-Aurdal med dei første dyra av Sør- og Vestlandsfeet, og dette feet fekk etter kvart innpass over heile distriktet. I 1936 fekk Askjell- og Karibruket godkjent privat fjøskonroll med veking og feittprøving av mjølka. Dette vart byrjinga til Velledalen kontrolllag som kom i gang nokre år etterpå, og som fekk mykje å seie for lønsemda av mjølkeproduksjonen både på Velle og andre gardar i grenda. Interessa for storfealet stod på si høgd i 1950-åra, men framleis er det fleire bruk som driv sterkt med storfe også i 1970-åra.

Dei fleste karane på Velle dreiv vinterfiskja i eldre tid og heilt fram til 1920-åra. Dei stasjonerte på Godøya, Vigra og Giske for det meste. I Straumen på Straume hadde mange naust på allmenningen. Elles selde dei fleste gardmenn litt bork og never, litt famneved og kanskje bandstakar. Men på 1700- og 1800-talet var det svært lite skog på garden så folk måtte lære å fare pent med det vesle som var att. Ca. 1890 tok somme av brukarane til å plante skog. Skulestyrar B. Weiberg-Aurdal var føregangsmann her, og han talde også til å gå inn i eit større samarbeid på garden om skogplantinga.

I 1894 kom ein fram til ein avtale med skogstellet om eit fredskog-felt ved Fossegjerdet, og i den fylgjande 20-årsbolken vart det planta ein heil del skog på Velle både ved Fossegjerdet, i Tegane, Nymarka, og seinare på ymse stader i utmarka. Mykje av det som vart planta først, er no stor, hogstmogen skog. Elles spela sylvrevalet ei stor rolle i slutten av 1920-åra og byrjinga av 1930-åra. Dei fleste brukarane hadde sylvrev, eller åtte part i ein revegard. Vinsten var nok bra til å byrje med, men dei fleste tapte pengar då krakket kom og prisane datt ned.

Frå 1940-åra har industrireiseinga i bygda sett sitt merke også på næringsgrunnlaget til Velle. Den yngre generasjonen har fått godt betalt arbeid i industrien, og i mange høve arbeider gard brukarane sjølve på fabrikkane, og driv bruket på overtid. Men framleis er det mange att som har gardsbruket som viktigaste næringsgrunnlaget.

Velle fekk postopneri ca. 1889, og det fekk namnet Velledalen postopneri. Det var fylkesskulestyrar B. Weiberg-Aurdal som var føregangsmannen for dette tiltaket. Verfar hans, Andreas M. B. Velle i Karigarden, vart den daglege leiaren av postopneriet. Han tok også på seg arbeidet med å bere posten frå Aure, 2—3 gonger for veka, og det vart då helst døtrene, Anne og Bastianne som måtte bere postsekken. Bastianne som var yngst, slutta ca. 1903, og etter henne har det vore mange: Ole Iversen Fet f. Velle, Jakob Larssen Velle, borna til Jens Helgesen Drabløs, Fredrik Nilsson Drabløs, og borna til Karolus Jakobsen Drabløs. Frå 1918 til 1924 var det borna til Rasmus Sivertsen Velle, og i 1924 tok Fredrik H. Drabløs over. Sjå også under Straumgjerde.

#### EIGARAR.

På 1100-talet budde hovdingen Gamle på Velle (Gamle å Velli). Han var gift med lendmannsdottera Tora Gudbrandsdtr., og han åtte utan tvil både Velle og andre gardar. Ervingen Solveig Gamlesdtr. på Velle gifte seg med Arne på Korsbrekke, og dei budde truleg ei tid på Velle. Arne ervde og mykje jordegods, og var av ei mektig ætt. Sjå under Grebstad. I tida etter Svartedauden var det etter segna Gudbrand i Vik som åtte Velle. Det var ein av dei gardane som skulle gi stor trygd. Seinare gjekk garden over til Rosenkrantzætta som i 1630-åra tok til å selje ut av godset sitt til borgarmeister Rasmus Larsen Stud i Bergen. Son til Ras-

mus Larsen, Otte, ervde 2½ våg i Velle, Otte var gift med Catrine Munthe som står skreven for denne gardparten i 1661. I 1680 er parten komen over til magister Ludvig Stud, og frå han til syster Margrete i Hanken g.1. m. Henning Hansen Smith, g.2. m. Borgundpresten Christopher Hierman.

Det er noko uklart om Rasmus Larsen Stud kjøpte heile Velle, eller om hovudparten, ca. 4 ¾ våg, fylgde resten av Rosenkrantzgodset som Peder Hansen Smith i Bergen og broren Henning g. m. Margrete i Hanken kjøpte i 1670-åra. Son til Peder Hansen, magister Nils Pedersen, åtte 4 våger 2 pd. 19 mrk. i Velle i 1684. Ved arv og kjøp fekk Margrete i Hanken nokre år seinare hand om heile Velle. Dottera Henningia Henningsdtr. Smith ervde ca. 1699 1 våg 2 pd. 12 mrk., og versionen Johan Frimann g.m. Elsebelh Henningsdtr. Smith tok over resten som då vart rekna til 5 våger 1 pd. 6 mrk.

Henningia selde parten sin i 1737 til Paul Olsen Abelset på Solnør, g.m. prestedottera Elisabeth Marie Brandal. Ho vart enkje i 1742, og ervde då parten i Velle. I 1743 gifte ho seg opp att med Knut Jørgensen Høeg. Ho hadde ein son frå første ekteskapet, Jørgen Paulsen Abelset, som gifte seg med Ragnhild, syster til Knut Høeg. Dei fekk ei dotter Massi Jørgensdtr. Ho vart gift med prokurator Christen Wallin frå Trondheim, og han ervde parten i Velle i 1791 i skiftet etter Elisabeth Marie Brandal. Wallin selde og makeskifte Velle-parten til bygslarane. Sjå m.a. Jobruket bnr. 9 og Karibruket bnr. 13.

Den største luten av Velle som Johan Frimann tok over, ervde sonen Claus Frimann, prest i Selje g.m. Anne Harboe som gifte seg att med presten Søren Madsen. Sonedottera til Claus, Anne Harboe Frimann, selde i 1783 5 våger 1 pd. 6 mrk. i Velle til syskenbarnet sitt, diktarpresten Claus Frimann i Davik, og frå han gjekk dette ca. 1829 til sonen Peder Harboe Frimann som døydde i 1845. Sjå meir under dei einskilde bruk.

#### MATRIKKELGARDEN.

Velle vart i eldre tid skatta som heil-gard. Skatteskylda var 6 våger fiskeleige i 1626, og slik heldt ho seg til landkommisjonen i 1666 la på til 7 våger 10 mrk. Ved skyldsettinga i 1666 vart skylda 7 våger 18 mrk. I 1764 vart det godkjent eit avtak på 2 pd. 6 mrk. p.g.a. «Fieldskred og Vandleb». Etter dette vart skylda 6

våger 1 pd. 12 mrk. til den nye skylda kom i 1838, 18 dlr. 4 ort 23 skl., revidert 1890 til 35,26 skyldmark.

Leidangen var 2 geitskinn 3 kalvskinn i 1 til 2, auka til 2 geitskinn 4 kalvskinn i åra som fylgde, og frå ca. 1627 vart det 3 geitskinn og 4 kalvskinn til 1666 då leidangen vart sett til 3 geitskinn og 3 kalvskinn, 1 1705 var leidangen 1 rdl., auka i 1717 til 1 rdl. 4 mrk. 14 skl.

Tienda av garden var i 1666 9 t. havre, 1 t. bygg og 1½ våg ost. Dette var uendra i 1717.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

1626: Då 8 mann. Sår 20 t. korn.

1666: 8 mann. Sår 26 t., avlar 100 t. Kan fø 90 naut og 8 hestar. Brennefang.

1724: 9 mann. Sår 24 t. havre, 1 t. 7 skp. bygg. Avlar 90 t. havre og 10 t. bygg. Kan fø 80 naut og 8 hestar. Skog til brennefang. Seter ½ mil frå garden. 4 kvernar. Lett driven. Viss til kom. Skade av elvebrot.

1791: 3 kvernar.

1794: 4 kvernar.

1802: 9 mann. Turvande brennefang. Sommarbeite til buskapen i garden si utmark og seterdalen,

1864: Garden har lite utslåttar. Mykje av den udyrka jorda er framifrå godt skikka til dyrking. Hamnegangen er mykje god på alle måtar. Garden har brennefang til eige bruk, og kan selje litt bjerk. Elles har ein lauvskog til forsurrogat. Garden er lettbrukt.

1875: 16 bruk med stort og smått. Buskapen var 7 hestar, 6 unghestar, 93 kyr, 34 ungdyr, 235 sauer, 68 geiter, 9 svin. Sånaden var 2,5 t. bygg, 28 t. bl.korn, 43 t. havre, 37 t. poteter og ca. 2 mål med rotfrukt.

#### EIT GAMALT SMÅBRUK.

Det ser ut til å ha vore eitt og kanskje to små plassar på Velle i 1600-åra, men det er få opplysningar om brukarane,

*Lars Paulsen Velle* er førd opp som husmann på Velle i 1603 og åra utover til ca. 1625. I 1715 fekk han ei bot på 4 rdl. fordi han ulovleg hadde teke bygsel på bruket til Syver Brunstad.

*Jon* er også nemnd som husmann på garden i desse åra. *Knut* er husmann i 1631.

*Anders*, 73 år gml. i 1666, er kalla husmann i 1660-åra, men han er truleg kårmann i Askjellgarden.

*Ole Olsen* er 34 år gml. i 1666, og er då oppført som husmann.

Etter *Ole* kom truleg sonen

*Ole Olsen* (f. ca. 1651, d. 1733) som brukte 1 mællag 1 ½ mrk. i 1700. Han vart kalla Gamle-*Ole* til forskjell frå ein yngre *Ole* i Askjellgarden.

Etter Gamle-*Ole* kom

*Knut Jørgensen Velle* (f. ca. 1687, el. 1750) g. 1734 m. Gjertru Ingebrigtsdtr. (f. ca. 1654, d. 1744). Ho var truleg enkje etter Gamle-*Ole*.

Br. 1734—1746.

*Knut* skatta av 1 mællag 1½ mrk.

Bruket gjekk over til

*Iver Pedersen Utgård* (d. 32 år gml. i 1752 g. 1746 m. *Eli Pedersdtr. Nordang* (f. ca. 1712, d. 1775).

Br. 1746 -1752.

Bygselbrev frå *Anne Harboe* i 1746 på 1 mællag 1½. mrk. mot opphald til *Knut Jørgensen*. Enkja gifte seg att i 1753 med

*Peder Knutsen Velle* (d. 1795, 68 år gml.) g. 2. 1777 m. *Anne Pedersdtr.* (f. Hole 1741?).

Br. 1752—1781.

Bygselbrev i 1752 frå *Anne Harboe* på 1 mællag 1½ mrk. I 1777 vart *Peder* dømd til å betale gardeigaren *Frimann* 3 rdl. 2 ort og 16 skl. i bygselavgift som ikkje hadde vorte betalt i rett tid.

Etter *Peder Knutsen* vart det tvist om bygselen. *Tore Olsen Velle* i Toregarden fekk først bygselsetel på 1 mællag av bruket i 1781 frå *Isak Severin Frimann*. I 1789 fekk *Ole Karssen Velle* i Karigarden bygselbrev på same mællaget frå *Claus Frimann*. Fylgja vart at *Tore Olsen* melde *Ole Larssen* fordi han på «en formentlig lovstridig omgang og maade» hadde bygsla til seg dette mællaget som *Peder Knutsen Velle* hadde brukt, men gitt frå seg p.g.a. alder og fattigdom. *Tore* la fram *Peder* sitt bygselbrev frå 1782 og sitt eige bygselbrev frå 1781. Saka vart utsett i 1794, og i 1795 kom det til semje. *Tore* og *Ole* skulle dele dette mællaget likt for ettertida, men *Tore* fekk avlinga av bruket i 1795. Så-

leis fall  $\frac{1}{2}$  mællag av Peder sitt bruk inn under Torebruket, og  $\frac{1}{2}$  mællag inn under Karibruket.

#### GJERDS-LARSBRUKET

var etter tradisjonen namnet på eit bruk på Velle i eldre tid. Det var om lag jamstort med dei andre bruka. Men etter 1789 minka det til  $\frac{1}{2}$  mællag, og først på 1800-talet fall det bort.

*Enkja*, br. 15.—ca. 1612.

*Ole Paulsen*, br. ca. 1612—ca. 1627.

*Paul*, br. ca. 1627—ca. 1660. Han skatta i 1658 av 1 hest, 7 kyr, 4 geiter og 6 sauer.

*Ole Paulsen* f. ca. 1624, br. ca. 1660—ca. 1695. Han skatta i 1680 av 2 mællag 11  $\frac{1}{2}$  mrk.

*Knut Ingebrigtsen* f. ca. 1645, br. ca. 1695—3712. Bruket vart i 1700 rekna til 2 mællag 1  $\frac{1}{2}$  mrk.

*Ole Ellingsen* (f. ca. 1688, d. 1753) g.m. Siri Johsdr. (frå Søvik?) (f. ca. 1680, d. 1750).

Br. 1712—ca. 1740.

Bygselsetel frå Claus Frimann i 1712 på 2 mællag 11  $\frac{1}{2}$  mrk. I 1708 heiter det at verja for Synnøve Johsdr. Søvik. Knut Velle, tok mot arven hennar, 15 rdl., etter Jon Søvik.

*Elling Olsen Velle* (f. ca. 1714, d. 1786) g.1. m. Berte Persdr. (f. ca. 1691, d. 1756) g.2. 1757 m. Synnøve Jonsdr. Brudevoll (f. 1710, d. 1770).

Br. ca. 1740—1761.

Han skatta av 2 mællag 11  $\frac{1}{2}$  mrk. i 1742. Skiftet etter Synnøve Jonsdr. i 1771 synte ei brutto eige på 66 rdl. Gjelden var 14 rdl.

Bruket gjekk over til

*Lars Larssen Strømme* (f. ca. 1719, d. 1789) g.1. 1758 m. Marte Sjursdr. Gjerde (f. i Nakkegjerde 1724), g.2. 1786 m. Alet Jørgensdr. Blakstad (f. ca. 1745, d. 1833).

Br. 1761--1790.

Bygselsetel til Lars Larssen i 1761 på 2 mællag 10  $\frac{1}{2}$  mrk. frå Anne Harboe, enkja etter Søren Madsen i Selje. Det er truleg etter Lars Larssen at dette bruket fekk namnet Gjerds-Larsbruket. I Velle-skredene på vestsida av Storelva er det framleis ein stad som ber namnet Gjerds-Lars-rysta. Skiftebuet etter Lars i 1788 badde ei brutto eige på 30 rdl. Gjelden var 28 rdl.

Enkja Alet Jørgensdr. gifte seg att 1790 med

*Ole Ingebrigtsen Strømme* frå Jogarden f. 1753.

Br. 1790—ca. 1810.

Ole tok over berre ein liten del av bruket. Han fekk bygselsetel i 1790 på 11½ mrk. frå Claus Frimann. I 1802 skatta han av berre 6 mrk. Alet Jørgensdtr. enda sine dagar på legd. Gjerds-Lars-bruket «kom bort». Det er mogleg at Ole Ingebrigtsen sin part fall inn under Torebruket i 1806 då Ole Toresen fekk ein bygselsetel frå prost Frimann på 11½ mrk. i tillegg til det han hadde før.

#### ÅMUNDGARDEN.

*Gullik Larssen Velle*, br. 15.—ca. 1630. Han var med i Kalmar-krigen i 1611.

*Peder Gulliksen Velle* (f. ca. 1596, d. etter 1666).

Br. ca. 1630 -ca. 1650, sidan nokre år halve bruket. Han brukte 4½ mællag.

*Peder Pedersen Velle* (f. ca. 1026, d. ca. 1695).

Br. halve bruket ca. 1650—ca. 1670, sidan heile bruket til ca. 1685.

Han skatta i 1775 av 5 mællag 5½ mrk. Buskapen i 1658 var 1 hest, 14 kyr, 6 geiter og 4 sauer.

*Lars Pedersen Velle* (f. ca. 1667, d. 1729).

Br. ca. 1685- -ca. 1724.

Han skatta i 1700 av 5 mællag 5½ mrk.

Sonen

*Amund Larssen Velle* (f. ca. 1703, d. 1770) g. 1724 m. Magnhild Olsdtr. Ødegård frå Stranda (f. ca. 1699, d. 1780).

Br. ca. 1724—ca. 1757.

Amund skatta av same jordvidd som far hans. I 1759 skaut Amund Larssen ein bjørn i utmarka til Aure.

Sonen

*Peder Amundsen Velle* (f. 1720, d. 1789) g. 1757 m. Anna Larsdtr. Hjortdal (f. 1736, d. 1813). Dei var i slekt i 3. ledd, og vart gifte etter kongeleg løyve.

Br. ca. 1757—1789.

Peder var lagrettemann i 1771. I 1777 var han talsmann for vellekarane då dei melde oppsitjarane på Dravlaus for ulovleg hogst av rogneskog. Skiftebuet etter enkja Anna Larsdtr. i 1813 hadde ei brutto eige på 31 dlr. Gjelden var 11 dlr.

Sonen

*Lars Pedersen Velle* (f. 1757, d. 1819) g. 1700 m. Siri Jonsdtr. Velle frå Jogarden (f. 1761, d. 1848).

Br. 1789—1818.

Byggselsetel i 1789 frå Claus Frimann på 1 våg 22½ mrk. Kår til Lars si mor, Anne Larsdtr., frå 1790. I 1802 vart Lars sitt bruk rekna til 1 våg, 15 mrk., og verdsett til 100 rdl. Buskapen var 1 hest, 10 storfe og 24 småfe. Lars og Siri hadde dottera Anne Petrine f. 1791. Ho døydde ugift i 1810. Siri vart gift att med Hans Jakob Eide på Klokkehaug bnr. 3. Jobruket gjekk over til Lars Pedersen sin brorson

*Lars Amundsen Velle* (f. i Jogarden 1798, d. 1842) g. 1819 m. Berte Johanne Olsdtr. Brunstad frå Jørngarden (f. 1795, d. 1856).

Br. 1818—ca. 1846.

Byggselsetel i 1818 frå C. Frimann. Kår til Lars Pedersen og kona. I Lars Amundsen si tid var det jordskifte på Velle (1831). Han la av eiden til Grunnlova i 1827 og fekk stemmerett. I 1831 var han lagrettemann. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 1 våg 1 pd. 1½ mrk., endra til 3 skylddlr. 2 ort og 14 skl. Lars Amundsen «druknede ved at falde ud af en Baad», står det i kyrkjeboka i 1842. Etter tradisjonen var Lars på veg til eit gjestebod hjå slekta på Ødegård, Stranda. Saman med ein mann frå Dravlaus gjekk dei til Fausa, og tok båt derifra. Men i mørkret kom dei for nær fossen med båten som vart fylt av vatn og gjekk rundt. Der bleiv Lars. Felagen hans vart berga.

Skiftebuet etter Lars hadde ei brutto eige på 296 spd. Gjelden var 171 rdl.

Sonen

*Amund Larssen Velle* (f. 1823, d. 1892) g. 1846 m. Berte Johanne Olsdtr. Midtgård frå Sjursgarden (f. 1827, d. 1887).

Br. 1846—ca. 1870, sidan halve bruket til ca. 1883.

Born: Lovise f. 1847 g.m. Bastian Knutsen Stave, tok over halve bruket. Sjå bnr. 1. Ane f. 1850 g.l. m. Knut Brudevoll, g.2. m. Severin K. Drotninghaug. Lars f. 1856 g. m. Guri Jakobsdtr. Hole. Dei tok over halve Åmundbruket, Sjå bnr. 2. Berte *Jensine* f. 1861, g. m. Ole Severin Henningsen Utgård. Ole f. 1864 g. m. Karoline Klausdtr. Magerholm. Flytte til Tjønes bnr. 5.

Amund Larssen løyste ut garden i 1848 for 540 spd. av furer Johnsen g.m. Maren Olave Tonning som hadde fått utlagt dette



bruket i skiftet etter P. H. Frimann i 1846 for 320 spd. For å greie dette kjøpet måtte Amund ta opp eit lån på 470 spd. Ca. 1870 tok versonen Bastian Knutsen over halve garden (Sjå Bastiangarden bnr. 1). På den andre halvparten fødte Amund i 1875 1 hest, 5 kyr, 3 ungdyr, 13 sauer og 4 geiter. Samla sånad på båe halvpartane var i 1875 ½ t. bygg, 3 t. bl.korn, 6 t. havre og 4 t. poteter. Amund sin halvpart av bruket tok sonen Lars Bernt Amundsen Velle over. Sjå Larsgarden bnr. 2.

#### MYRA (Myrane).

Amund Larssen Velle i Åmundgarden feste bort tre plassar ca. 1848. To av plassane låg på austsida av bygdevegen, den tredje lag på vestsida. Brukarane vart i spøk kalla Petter i Dikja, Erik i Dikja og Skreddaren i Myra.

#### MYRA I.

*Petter Karolussen Dravlaus* frå Karolusgarden (f. 1822, d. 1908) g. 1848 m. Petrine Marte Knutsdtr. Emmedal frå Stranda (f. 1820, d. 1903).

Br. ca. 1848—1905.

Born: Karoline f. 1846 g. til Jarnes (Legene). Lars Petter f. 1849 g. til Jarnes (Iteplassen). Severin f. 1852 g.m. Anne Marie Martinusdtr. Brunstad (Hjelle-Severin i Nakken). Lars *Karl* Petter f. 1855 g.m. Karen Marie Berntsdtr. Brunstad, Nakkeberget Karolus Ludvik f. 1858 g. til Jarnes (Lånet). Petrine Thomasine f. 1861, d. 18633.

Petter Karolussen sette opp hus der løa i Bastiangarden står. Han hadde ord på seg for å vere glup til å arbeide når han var ute, men det vart mindre med han heime. Han tok på seg å eksere for 3—4 mann, og vart i daglegtalen ofte kalla Gange-Rolf. Petrine spøta for folk, og ho var ofte ute på dagarbeid i onne-tidene. Ho var også bryllaupskokke. Då plassen var liten og ho hadde lite for til dyra, fekk ho gjerne med seg ein vandel heim. Buskapen i 1875 var 2 kyr, 5 sauer og 2 geiter. Sonedottera Johanne Karlsdtr. Lade fortel: Petrine miste ein gong ei 2-år gamal jente (18. mars 1863). Då var alle karane i fiskja. Ho gjekk då bort i løa og fann nokre bordmolar som ho spikra ei kiste av sjølv,

Etter Petter og Petrine fall plassen attende til Åmundbruket.

#### MYRA 1.

Erik Olsen Kvammen frå Stordal (f. ca. 1815, d. 1896) g. m. Anne Eline Olsdtr. Øvrebust (f. ca. 1815, d. 1896) fekk i 1848 festesetel på plassen sin, og eit stykke; tilleggsjord i 1859. Han sette opp stove og løe ca. 20 meter nord for der husa til bnr. 15 (Kråkedalen) er no. Erik Olsen hadde den største av plassane i Myrane, og det var vel difor at folk i skjemt kalla han Erik i Dikja. I 1875 fødde han 4 kyr, 6 sauer og 4 geiter. Sånaden var ½ t. blkorn, 1 t. havre og 1 t. poteter. Erik og Anne Eline hadde eitt barn, Olave, f. 1852 g.m. Jens Helgesen Drabløs i Barbrogarden. Då Erik døydde, fall plassen attende til Åmundbruket.

#### MYRA III.

*Bernt Petter Pedersen Dravlaus* frå Barbrogarden (f. 1800, d. 1886) g. 1849 m. Helge Andrine Jørgensdtr. Velle frå Knutgarden (f. 1815, d. 1894).

Br. ca. 1849—1894.

Husa som Bernt Petter sette opp, stod vest for der Larsstova på bnr. 2 no er. I 1875 var buskapen på plassen 3 kyr, 4 sauer, 3 geiter og 1 gris. Sånaden var ½ t. blkorn, 1 t. havre og ¾ t. poteter. Etter tradisjonen hadde Bernt Petter vore skreddar ('Skreddaren i Myra). Han måtte amputere ein fot, og dette vart gjort utan bedøving. «Låkaste var det når dei saga gjennom mergen,» fortalde han. Bernt Petter gjekk sidan med trefot. Folk sa at dette var til straff for at han hadde vore så fæl til å gå på styltrer i yngre år. Før Fitjabrua vart bygd, hende det at Bernt Petter vod elva på styltrene sine og bar folk på ryggen. På den måten vart han ein slags privat ferjemann.

I 1839 ser det ut til at Bernt Petter kjøpte seg kårrett av eit mællag jord i Knutgarden. Truleg gjeld dette resten av Nilsbruket som Ingebrigt Jørgensen i Knutgarden tok over ved denne tida. I seinare leveår var Bernt Petter og Helge svært fattige. Bernt Petter vart noko rar av seg. Plassen fall attende til Amund-bruket.

#### BASTIANGARDEN bnr. 1.

Åmundgarden vart delt i to like store deler i 1888, bnr. 1 og bnr. 2, kvar med 3,09 mark i skyld. Versonen til gardeigaren fekk skøyte på bnr. 1. Det var

*Bastian Knutsen Stave* (f. 1838, d. 1906) g.m. Lovise Amundsdr. Velle (f. 1847, d. 1932). Br. ca. 1870—1904,

Born: Andreas f. 1872. Berte Johanne f. 1880 g. på bruket.

Bastian brukte første tida Åmundgarden saman med verfar sin, men frå 1888 vart bruket delt, og Bastian sin part fekk namn etter han: Bastiangarden.

Sonen

*Andreas Kardus Bastiansen Velle* (f. 1872, d. 1957) g.m. Severine. Knutsdr. Nordstrand frå Valderøy, d. 1945, fekk skøyte på Bastiangarden i 1904 frå ervingane etter Amund Larssen Velle. Utvs. nr. 985. Andreas flytte til Valderøy og selde garden i 1912 til verbroren

*Karl Pettersen Hole* frå Nakken (f. 1875, d. 1960) g. 1906 m. Berte Johanne Bastiansdr. Velle (f. 1880, d. 1970).

Br. 1912—1946,

Born: Borghild f. 1908 g. m. Lars Larssen Hjelle frå Klokkehaug bnr. 8. Bustad Blindheim bnr. 25. Åsta (f. 1910, d. 1947) g.m. Olav O. Lade (f. 1912, d. 1950). Sverre f. 1911 g. på bruket. Laura f. 1915 g.m. Petter Jørgensen Furset. Busett Ringstad, Arne f. 1919 g.m. Marie Knutsdr. Fausa. Sjø Dravlaus bnr. 1,

Karl Pettersen gjekk i smedlære på Sjøholt i unge år. Seinare var han to gonger i USA. Han var mellom dei første gullgravarane som kom til Dawson i Alaska. Utvs. nr. 611.

I 1912 kjøpte han Bastiangarden for 4000 kroner og kår til vermor si. Karl bygde nye hus, både stove og løe, og dyrka også ein del jord. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv han som smed, og han var kjend som ein nevenyttig og innsiktsfull mann i faget.

Sonen

*Sverre Karlsen Velle* (f. 1911, d. 1973) g. 1940 m. Dagny Oksvik frå Stranda f. 1918.

Br. frå 1940.

Born: Kåre Oddbjørn f. 1942, teknikar. Svein f. 1947. Bjørg f. 1949. Gerd Johanne f. 1953.

Skøyte i 1946 for 8000 kroner og kår. Dei ol seg til ein gild buskap, dyrka godt opp bruket, kjøpte traktor, bygde køyrebru til løa og vølte fjøsane. Elles moderniserte dei stovehuset og laga ny innreiing. Ved sida av arbeidet med bruket har Sverre K.

Velle arbeidt i industrien som møbeltapetserar. Dagny Velle er sylærd og har i seinare år sydd ved ymse verksemdar i grenda.

#### LARSGARDEN bnr. 2.

Då Åmundgarden vart delt i to i 1888 til Bastiangarden bnr. 1 og Larsgarden bnr. 2, baa med 3,09 mark i skyld, fekk son til Amund Larssen Velle skøyte på Larsgarden. Det var

*Lars Bernt Amundsen Velle* (f. 1856, d. 1902) g. 1883 m. Guri Jakobsdtr. Hole frå Jogarden (f. 1865, d. 1928).

Br. ca. 1883—1914.

Born: Ole f. 1884 g. på bruket. Anna f. 1887 g.l. m. Karl Johan Olsen Brunstad, g.2. m. Petter P. Velle. Velle bnr. 3. Brauta. Jakob f. 1888 g.m. Guri O. Vik. Aure bnr. 39. Utvs. nr. 997, Jensine (Sina) f. 1891 g. m. Karl Giskegjerde, Giske. Johanne f. 1896 g.m. Knut O. Fausa. Dravlaus bnr. 1. Severin f. 1898 g.m. Johanne J. Erstad. Erstad bnr. 1. Bertha f. 1900, sjukeyster, Oslo.

Lars Bernt Amundsen betalte 1 .600 kroner for garden. Kår. I røynda hadde han nok brukt garden frå 1883, men skylddelinga og skøyta var frå 1888.

Enkja etter Lars Bernt, Guri Jakobsdtr., gifte seg att 1918 med Fredrik Martinussen Fet i Hansgarden og flytte til Fet.

Son til Lars Bernt og Guri tok over Larsgarden. Det var

*Ole Johan Larssen Velle* f. 1884 g. 1918 m. Olava Birgitte Joliandsdtr. Erstad frå Olagarden bnr. 1 f. 1893.

Br. 1915—1964.

Born: Gunnvor f. 1919, sjukeyster, g.m. lækjar Arne Gaardsrud frå Oslo, busett Drammen. Lilly f. 1922 g.m. kontormann Jørgen Drabløs frå Borgund, busett Ålesund. Lars f. 1927 g. på bruket.

Ole var 18 år gamal då far hans døydde, og som den eldste i syskenflokket vart det han som måtte stå føre gardsdrifta og saman med mor si syte for levebrødet. Alt i 1902 prøvde han vinterfiske etter torsk i open båt. Han reiste til USA i 1907 (Utvs. nr. 1001). Våren 1914 tok han over Larsbruket. Skøyte i 1915 for 3.500 kroner og kår. Det hadde vore jordskifte av innmarka på Velle, og husa måtte flyttast. I 1915 bygde Ole nytt stovehus og i 1916 nytt løhus. I åra som har gått har han saman med kona si lagt ned eit stort arbeid på garden. Ole dyrka ca. 50 mål jord, grov veiter, m.a. kanalar, og mura på baa sider, var med på verne-

muren for Storelva og oppreinsking av elvefaret. Han var lett på foten, og gjorde mangt eit «rendsel» etter sauene når dei skulle sankast frå fjella om hausten. I 1962 fekk han pokal med diplom frå Møre og Romsdal Landbruksselskap for innsatsen på garden sin. Olave Johansdtr. hadde m.a. vore i sylære og dessutan gått husmorskule i Ørsta før ho gifte seg. Berre 10 år gamal byrja ho som setrejente og gjetar. Sidan har ho vyrdsla sin heim, røkta sine husdyr og vore med i alt onnearbeid til ho var mykje over 70 år. Ho var truleg den første på Velle som laga blomsterhage utfor huset sitt m.a. rosetre og vakre stauder.

Son til Ole og Olave

*Lars Jon Olsen Welle* f. 1927 g. 1952 m. *Elsa Kristine Sandø* frå Kolvereid, N.Trøndelag, f. 1937, tok over bruket i 1964.

Born: Ole Jonny f. 1903. Anne Lise f. 1965.

Lars Welle arbeidde først som sjåfør i Statens Vegvesen og som bilmekanikar eller utdanning ved Hærens Bilverksted på Rundhaug. Han bygde så eigen bilverkstad med bensinstasjon på Velle, og driv denne verkstaden ved sida av arbeidet med gardsbruket. Elsa Welle var sydame på Stranda før ho gifte seg. Dei har vølt og modernisert stovehuset i Larsgarden.

### BRAUTA bnr. 3.

Utskild som eige bruk i 1848 med skyld 1 ort 14 skilling revidert 1890 til 0,64 mark. Av dette var 15 skilling av Åmundbruket bnr. 1, 12 skilling av Knutbruket bnr. 4, og 11 skilling av Askjellbruket bnr. 7. Skøyte frå Peter Tonning ved prokurator Sanne i 1848 til Martinus Gulliksen Tjønes for 125 spd. Første brukaren på Brauta var

*Lars Johannes Pedersen Velle* frå Jogarden (f. 1808, d. 1876) g. 1837 m. *Berte Marta Pedersdtr.* Dravlaus frå Toregarden (f. 1816, d. 1862).

Br. ca. 1837—1876.

Vellebrauta var urudd mark (bulege) då Lars og Berte Marta feste denne plassen ca. 1837. Dei sat svært trangt i det økonomisk. Sonedottera Susanne fortalde i 1945: «Godfar hadde lenge berre e i ku, og han måtte få av bygda. Då han døydde, tok kreditorane av buet og selde det. Stova gjekk til Brunstad og vart bygd opp att som sel på setra. Steinen i murane tok Djupedals-Andreas. Det som var att til borna, var ei gryte.

Godmor døydde på barsel då ho fekk sonen Bastian i 1862 (Utv. nr. 996). Ho hadde då 6 born som ikkje var konfirmerte. Bastian vart boren i eit storplagg til to koner på Velle. Dei hadde nyleg fått born, og der fekk Bastian syge. Den eine av desse konene var Tore-Gjertrud. Så bar dei Bastian til Gunna-Berte-Jensina på Brunstad. Ho hadde nyleg mist eit spebarn. Der var Bastian til han var års-gamal. Då kom han att til Brauta. Alt som smågut måtte Bastian i marka for å gjete. Ein dag var han så redd for å gå at han plent måtte få vere heime. Men då nekta godfar at guten fekk mat. Mor mi, Braute-Berte, var då komen til gards. Ho tykte synd i barnsungen, og i løynd bar ho ut til han ein «søppe-kumme» som ho sette på hoggestabben. Bastian drog til USA seinare. I eit brev heim mintest han denne «søppe-kummen» og takka mor for hjelpa. Han hadde knapt ete mat som smakte så godt, skreiv han.»

I 1864 var plassen på 8 mål åker og dyrka mark og 21 mål england. Buskapen var 2 kyr, 5 sauer og 3 geiter. Sånaden var 1 t. bl.korn, 1 t. havre og  $\frac{3}{4}$  poteter. Son til Lars tok over plassen. Det var

*Peter Larssen Velle* (f. 1841, d. 1913) g. 1870 m. Berte Larsdtr. Brunstad frå Bøen (f. 1846, d. 1932).

Br. 1876—ca. 1915.

Born: Lars f. 1871. Utv. nr. 1007. Susanne (f. 1875, d. 1952). Skreddar. Karen f. 1877. Utv. nr. 1005. Jens f. 1880. Utv. nr. 1006. Ole Severin (f. 1883, d. 1907). Peter f. 1887 g. på bruket.

Peter Larssen fekk bygselsetel i 1876 frå Martinus Gulliksen Velle, og sat på bygsel til 1907 då Peter løyste ut plassen for 1800 kroner av Fredrik Martinussen Fet som hadde ervt plassen etter far sin. Etter tradisjonen var det bror til Peter Larssen, Jens, som sende heim 2000 kroner frå Alaska til gardkjøpet. Peter Larssen sette opp nye hus.

Buskapen på Brauteplassen var i 1875 auka til 5 kyr, 10 sauer og 5 geiter. Men etter det Susanne Petersdtr. Velle fortalde, sat foreldra hennar svært trangt i det økonomisk, serleg i den første tida etter at dei hadde teke over plassen. Då Berte Larsdtr. vart husmor på Brauta, var heile matforrådet 6 brødleivar. Då Susanne var lita og gjekk på skulen, såg ho at dei andre borna hadde med seg flatbrød og ei smørøskje i laupen sin. Susanne måtte greie seg med potetkaker.

Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda på bruket, 1 ort 14 skl., revidert til 0,64 skyldmark.

Son til Peter Larssen tok over Brauta. Det var

*Peter Petersen Velle* (f.. 1887, d. 1961) g. 1915 m. Anna Larsdtr. Brunstad (f. Velle i Åmundgarden 1887).

Br. 1915—1951.

Born: Anna var enkje etter Karl O. Brunstad, og hadde med han dottera Laura f. 1911 g.m. lærar Ole J ø r g e n Fausa. Sjå Dravlaus bnr. I, og Riksheim bnr. 30.

Peter og Anna sine born: Bertha f. 1916 g. 1950 m. Ole Follestad, Hareid. Gudrun f. 1917 g. 1939 m. Petter Marius Erstad, Hareid. Ole Petter f. 1920 g. på bruket. John Olav f. 1921 g. 1946 m. Else Marie Torsen frå Rakkestad. Busett Canada.

Peter Petersen sette opp nytt stovehus på Brauta i 1914. I 1932 bygde han ny løe. Han la ned eit stort arbeid på plassen, dyrka og hakkebraut mest heile bøen. Ca. 1930 byrja han og nokre slektningar med ein sylvrevgard på Brauta. Seinare tok Peter over sylvrevgarden åleine. Saman med kona si Anna som fleire gonger fekk diplom for godt mjølkestell, ol Peter fram ein svært gild buskap. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Peter som bygningsmann og snikkar, og han var kjend som ein uvanleg dugande og drivande arbeidskar. I fritida var han interessert fiskar og jeger.

Sonen

*Ole Petter Petersen Welle* f. 1920 g. 1941 m. Gudrun Hansdtr. Opsvik frå Stranda, f. 1920.

Br. frå 1951.

Born: Paul Arne f. 1941, maskinist, g. 1970 m. Inger Lise Lenæs frå Larvik. Busett Tønsberg. Grethe Annbjørg f. 1945 g.m. Eldor Hoff frå Ålesund. Busett Melbourne, Australia. Oddny Gunvor f. 1949. Hermod f. 1955.

Ole P. Velle har modernisert fjøs og løe. I 1962 bygde han på stovehuset og moderniserte det. Han bygde ny gardsveg til Brauta saman med Ole S. I. Velle og Leidulv Vikstad i 1953, har dyrka opp resten av bøen og kjøpt traktor og andre gardsreiskapar for maskinell drift. Ved sida av arbeidet med bruket driv han som maskinsnikkar på fabrikk.

**BRAUTEGJERDET** (Fremstebrauta).

Ein plass på Vellebrauta under Jakob-bruket bnr. 6, med same eigar som Jakob-bruket. Plassen vart rudd av

*Bernt Jørgensen Hatlemark* (f. 1835, d. 1902) g. 1867 m. *Oline Petrine*. Larsdtr. Velle frå Brauta bnr. 3 (f. 1836, d. 1916).

Br. ca. 1865- ca. 1902.

Born: Jens f. 1864. Berte f. 1870. Utvs. nr. 986. Lovise f. 1872, tok over plassen. Karl f. 1875. Utvs. nr. 987.

Bernt Jørgensen bygde stove og løe på plassen. I 1875 fødde han 2 kyr, 8 sauer, og sånaden var 1 t. havre og 1 t. poteter.

Dottera

*Lovise Berntsdtr.* Velle f. 1872 tok over bygselen etter far sin, og dreiv plassen til 1919. Det året gifte ho seg med Petter Jenssen Ekornes på Hafsåsplassen, og flytte til Ikornnes. Lovise dreiv sy arbeid ved sida av arbeidet med plassen på Fremstebrauta. Då ho flytte, fall plassen inn under Jakobbruket att.

**KNUTGARDEN** bnr. 4.

*Ingebrigt*, br. 15.—ca. 1625.

*Peder Olsen* f. ca. 1606. Br. ca. 1625—ca. 1670. Han skatta i 1658 av 1 hest, 12 kyr, 4 geiter, 5 sauer og 1 okse. I 1666 brukte han 4 ½ mællag, men skatta seinare av 5 mællag 5 ½ mrk.

*Ole Pedersen*, br. ca. 1670—ca. 1680. Han skatta av 5 mællag 5½ mrk.

Enkja truleg gift att med

*Paul*, br. ca. 1680—ca. 1695. Etter Paul gjekk visstnok ein del av Knutbruket over til Hover Olsen som må ha vore gift med Ole Pedersen si dotter. Sjå Nilsbruket.

Enkja etter Paul vart gift att med

*Jørgen Olsen* (f. ca. 1658, d. 1729).

Br. ca. 1695—ca. 1703.

Han hadde styksonen Per Paulsen, 22 år gamal i 1701.

Etter Jørgen gjekk Knutbruket over til

*Knut Olsen* (f. ca. 1661, d. 1734) g.m. *Siri Olsdtr.* (f. ca. 1672, d. 1749).

Br. ca. 1703—1733. Han skatta i 1732 av 3 mællag 10 mrk. Knut var lagrettemann i 1716.

Sonen



*Ole Knutsen Velle* (f. ca. 1709, d. 1790) g. 1737 m. Anna Olsdtr. Stave (d. 1772, 73 år gml.) Bygselbrev i 1733 frå Søren Madsen i Selje på 3½ mællag. Ole Knutsen var lagrettemann.

Versonen

*Jørgen Pedersen Lade* frå Andersgarden (f. 1724, d. 1770) g. 1757 m. Siri Olsdtr. Velle (f. 1738, d. 1814).

Br. ca. 1757—1772.

Jørgen hadde vore soldat, men gjekk ut av tenesta i 1751 etter ein skade i høgre handa. Skiftebuet etter Jørgen i 1770 hadde ei brutto eige på 124 rdl. Gjelden var 10 rdl. Enkja Siri Olsdtr. gifte seg att 1772 med

*Ingebrigt Pedersen Habostad* frå Stranda (f. 1748, d. 1793). Bygselsetel i 1772 på 3½ mællag frå Claus Frimann, og i 1781 på 11 mrk. av Isak Severin Frimann. Ingebrigt var velstående. I 1788 kjøpte han Jobruket på Lade, 2 pd. 23¼ mrk. og i 1791 kjøpte han Nilsbruket på Velle, 1 pd., av Christen Wallin. Skiftebuet etter Ingebrigt i 1793 synte ei brutto eige på 423 rdl. Gjelden var 15 rdl.

Sonen

*Jørgen Ingebrigtsen Velle* (f. 1773, d. 1841) g. 1793 m. Anne Pedersdtr. Fet frå Jogarden (f. 1772, d. 1854).

Br. 1793—1829.

Bygslesetel frå Claus Frimann i 1793 på 2 pd. 19½ mrk. Kår til mor si, Siri Olsdtr. Jørgen Ingebrigtsen løyste ut Nilsbruket på Velle som far hans hadde kjøpt i 1791, og han sat såleis som bygselmann i Knutgarden, og eigar av Nilsbruket som Nils Ingebrigtsen brukte. Jørgen var lagrettemann i 1804.

Sonen

*Ingebrigt Jørgensen Velle* (f. 1794, d. 1859) g. 1821 m. Johanne Jakobsdtr. Dravlaus frå Karolusgarden (f. 1801, d. 1859) bygsle i 1821 først Andersbruket på Straumsheim, men kom i 1828 attende til Velle og fekk bygselsetel på Knutgarden, 1 våg 2 mrk., av prost Frimann. I 1839 fekk Ingebrigt skøyte frå far sin på mesteparten av Nilsbruket,  $18\frac{10}{18}$  mrk., for 50 spd. Knutbruket og Nilsbruket vart no rekna som eitt bruk att, slik det opphavleg hadde vore, og samla skyld i 1838 var 1 våg  $21\frac{24}{78}$  mrk., rev. til 3 dlr. 1 ort 19 skl. Frimannparten på 1 våg 2 mrk., rev. til 2 skylddlr. 3 ort 1 skl., vart i 1848 seld av Johan Cold Frimann til Martinus Gulliksen Velle for 420 spd. Ingebrigt Jørgensen sat framleis som bygselmann.

Sonen

*Jakob Ingebrigtsen Velle* (f. på Straumsheim 1822, d. 1874) g. 1854 m. Karoline Johannesdtr. Hole frå Jogarden (f. 1836, d. 1918).

Br. 1854-1876.

Born: Johanne Marie f. 1850, d. 1942, g.m. Peter Andreas Ingebrigtsen Fet i Åragjerdet. Marie Johanne f. 1858 g.m. Knut Hatlebakk, Sulalandet. Jensine f. 1861, d. 1949. Bustad Sulalandet. Jons f. 1863 g.m. Olave Olsdtr. Drabløs frå Bøtelgarden. Sjø Velle, Myregarden bnr. 15. Ole f. 1865 g.m. Lovise Edvardsdtr. Parr frå Sunnylvn. Gbr. i Sunnylvn. Helen f. 1869 g. på bruket. Anna f. 1872 g.m. Nils Bastiansen Skarbø frå Ørskog. Småbrukar og fiskar på Sula-landet.

Jakob Ingebrigtsen fekk bygselsetel i 1854 på den delen av Knutbruket (2 dlr. 3 ort 1 skl.) som Martinus Gulliksen Velle hadde kjøpt i 1848. Kår til Jakob sine foreldre. Parten av Nilsbruket på 3 ort 6 skl. som faren åtte, løyste Jakob ut i 1857 for 150 spd. Men han måtte ta opp lån for å greie dette. I 1864 vart garden rekna til 48 mål dyrka åker og eng, og 120 mål naturleg england. Buskapen var i 1865 1 hest, 12 kyr, 18 sauer, 6 geiter og 2 grisar. Sånaden  $\frac{1}{2}$  t. bygg, 3 t. bl. korn, 6 t. havre og 3 t. poteter.

Enkja Karoline Johannesdtr. gifte seg att med

*Ole Berntsen Straumsheim* frå Olagarden (f. 1847, d. 1918).

Br. ca. 1876—1889.

Barn: Berte Jensine f. 1878. Utvs. nr. 1003.

I 1875 fødte Karoline 1 hest, 1 unghest, 8 kyr, 5 ungfe, 20 sauer, 7 geiter og 1 gris. Sånaden var  $\frac{1}{2}$  t. bygg, 4 t. bl. korn, 5 t. havre og 4 t. poteter. Ole Berntsen som i dagleg tale på garden vart kalla Mann-Ole, løysle ut mællaget av Nilsbruket som Jakob Ingebrigtsen hadde ått, og bygsla dessutan Knutbruket. Men det vart pengevanskar, og Ole måtte selje Nilsbruk-mællaget: Heggebakken bnr. 5 gjekk i 1879 til Ingebrigt Olsen Velle for 600 kroner. Og Fremmerbø bnr. 14 selde han same året for 1.400 kroner til Fredrik Martinussen Fet, som dessutan ervde Knut-bruket etter far sin, Martinus Gulliksen Velle. Plassen Kråkedalen (Myregarden) bnr. 15 vart utskild frå Knutbruket ved denne tid, slik at bygselmannen Ole Berntsen fekk skylda si redusert frå 5,74 mark i 1870 til 3,82 mark i 1889.

Verson til Karoline Johannesdtr. og Jakob Ingebrigtsen tok over Knutbruket. Det var

*Rasmus Sivertsen Løkedal* (f. 1803, d. 1923) g. 1889 m. *Helene Jakobsdtr. Velle* (f. 1869, d. 1931).

Br. 1889—1931.

Born: Jakob f. 1889. Utvs. nr. 1010. Sigvart f. 1893, d. 1898. Thea f. 1895. Utvs. nr. 1009. Karen f. 1897 g. 1929 m. Petter Hanssen Strømmegjerde (bnr. 5.) Sigvart f. 1900 g. på bruket. Utvs. nr. 1012. Laura f. 1902 g. 1920 m. Hilmar Bjørnøy, Gamlem. Peter f. 1906. Utvs. nr. 1011. Henrik f. 1908 g. 1937 m. Ragna Emdal frå Vestnes. Busett Ålesund. Sverre f. 1911 g. 1939 m. Ragna Åsheim. Sjø Velle, bnr. 22.

Rasmus Sivertsen bygsla først garden, men løyste han ut og vart sjølveigar i 1913. Skøyte på hus og bruk for 4000 kroner frå Sigurd og Fredrik Drabløs i Ellinggarden. Dei hadde ervt garden frå bestefar sin, Fredrik Martinussen Fet. Etter jordskiftet på innmarka i 1911 måtte Knutbruket flytte frå gamletunet og Rasmus sette opp stabbur og løe på nye tufter i 1915. Huslyden budde i stabburet til 1925 då Helene sette opp nytt stovehus. Rasmus la ned eit stort arbeid på bruket, både med jorddyrking og atterreising av husa. Om vintrane dreiv han torskefiskja. Etter at han var død, sat enkja Helene med garden til ho døydde. Då tok sonen over. Det var

*Sigvart Rasmussen Velle* f. 1900 g. 1932 m. Emma Hansdtr. Opsvik frå Stranda f. 1907.

Br. frå 1931.

Born: Reidar f. 1933 g. 1964 m. Møyfrid Idland frå Ålgard, Busett Vik, Høgebøane. Harald f. 1935. Sjøfjør. Steinar f. 1940, cand jur. g. 1970 m. Marit Lovise Haraldsdtr. Breilid frå Leikanger, Sogn. Gunnar f. 1947.

Sigvart Rasmussen gjekk landbruksskulen i 1919, var til sjøs ei tid, og reiste så til USA i 1926. Utvs. nr. 1012. I 1931 løyste han ut Knutgarden og fekk skøyte. Han har vore ein uvanleg sterk arbeidskar og har lagt ned eit storfelt arbeid i Knutgarden, dyrka opp resten av bruket, modernisert stovehuset, ominnreidd løa, bygt køyrebru og siloar. I 1954 kjøpte han traktor og etter kvart moderne gardsreiskapar slik at drifta no er sterkt mekanisert. Sigvart Velle var også med på elveforbygginga mot Storelva 1944—1958. Formann i styret for Velledalen Allmenning i mange år.

## NILSBRUKET.

Frå Knutgarden bnr. 4 vart det i 1690-åra fråskilt ein del som seinare fekk namnet Nilsgarden. Første brukaren i Nilsgarden var

*Hover Olsen* (f 1652, d. 1724) g. 1. m. ? g. 2. m. *Anne Knutsdtr.* Han vart i 1700 meld for leiermål med *Eli Paulsdtr.* som var halvsysterdotter til førstekona hans. Til straff måtte han ut med halve buet sitt, 4 rdl. 2 ort og 18 skl. til Kongen. Den andre halvparten gjekk over til Hover si kone, *Anne Knutsdtr.* Hover hadde i 1700 m.a. 2 kyr, 1 kalv, 1 geit og 1 sau. Sjå «Sykkylven i eldre tid» s. 202.

Sonen

*Ole Hoversen Velle* d. ca. 1720, g.m. *Synnøve Ingebrigtsdtr.* (f. ca. 1681, d. 1748).

Br. 1714—ca. 1720.

Bygselbrev i 1714 frå *Hans Møller* på 1 mællag 14 mrk. *Ole* og *Synnøve* hadde sonen *Hover Olsen* f. ca. 1715 g. 1745 m. *Synnøve Arnesdtr.* Furset, enkja etter *Ole Serkvidsen Furset* f. *Hels em.*

Enkja etter *Ole Hoversen, Synnøve Ingebrigtsdtr.*, gifte seg att 1722 m.

*Nils Paulsen Løkedal*, d. etter 1758, g. 2. 1749 m. *Mari Olsdtr.* Skotung (Skotungneset eller Espehjelle) (f. ca. 1715, d. 1755). *Nils Paulsen* skatta av 1 mællag 9 mrk. i 1742, og han sat som brukar til 1758 då bruket gjekk over til versionen

*Anders Jonsen Brudevoll* (f. ca. 1718, d. 1807) g. 1. 1756 m. *Gjertrud Nilsdtr. Velle* (f. 1723, d. 1765) g. 2. 1765 m. *Ragnhild Jakobsdtr.*, g. 3. 1782 m. *Lisbet Eriksdtr. Stave* (f. 1730 d. etter 1807).

Br. 1758--1791.

*Knut Høeg* hadde kjøpt dette bruket, og han gav bygselsetel til *Anders Jonsen* i 1758 på 1 pd. 3 mrk. Men *Anders* skatta seinare av berre 1 pd. Skiftebuet etter *Gjertrud Nilsdtr.* i 1765 hadde 36 rdl. i brutto eige. Gjelden var 12 rdl.

Versonen

*Nils Ingebrigtsen Straume* frå Jogarden (f. 1754, d. 1831) g. 1792 m. *Synnøve Andersdtr. Velle* (f. 1762, d. 1834) bygsla Nils-bruket i 1791 og la kår til verfar sin *Anders* og stykmora *Lisbet Eriksdtr.* I skiftet etter *madam Høeg* i 1791 gjekk eigedomsretten til Nilsbruket over til *Christen Wallin* som same året selde det til *Ingebrigt Pedersen Velle* i Knutgarden bnr. 4. Etterkomarane

hans i Knutgarden vart eigarar av Nilsbruket til 1879, og Nilsbruket vart slege saman med Knutgarden til eitt bruk, slik det opphavleg hadde vore. Men Nilsgarden hadde sin eigen brukar som såleis vart bygselmann under Knutfolket. Nils Ingebrigtsen sat med bygselen til 1822. Økonomisk gjekk det ille med han. Han kom i gjeld til Arent Nikolai Heyde og måtte pantsetje det vesle han åtte. Siste leveåra kom både han og kona hans på leiken.

Sjå meir om Nilsbruket under Knutbruket bnr. 4, Heggebakken bnr. 5 og Fremmerbø (Petterbøen) bnr. 14.

#### HEGGEBAKKEN bnr. 5 (Heggebakkane).

Utskild frå Knutbruket, eller rettare Nilsbruket som var ein del av Knutbruket bnr. 4, i 1879 med skyld 17 skilling, rev. 1890 til 0,26 mark.

Første brukaren på Heggebakken var

*Ole Pedersen Velle* (f. i Bergen ca. 1830, d. 1923) g. 1858 m. Petrine Ingebrigtsdtr. Velle frå Knutgarden (f. 1830, d. 1903).

Br. 1858—ca. 1879.

Born: Lovise (f. 1856, d. 1884) g.m. Jakob Pedersen Strømme frå Sølmgarden. Ho hadde sonen Ole Larssen f. 1879 før ho gifte seg. Sjå Utvs. nr. 1000. Ingebrigt f. 1859, tok over bruket. Peter Andreas f. 1863, smed. Sjå under slutten av Reiten bnr. 11. Bernt f. 1868, g. på bruket.

Ole Pedersen voks opp på Dravlaus der far hans, Peder Larssen (f. Hole 1792, d. 1882) hadde stove og ei smie. Han vart kalla By-Pe, og hadde vore regimentsmed i Bergen, gift der med Anne Margrethe Olsdtr., d. 65 år gml. i 1865. Sonen Ole Pedersen på Heggebakken var også smed. Han fekk seg eit nyrydningsstykke på Heggebakken gjennom verbror sin i Knutgarden, Jakob Ingebrigtsen Velle, i 1858. Ole fødde i 1875 3 kyr, 10 sauer, 3 geiter. Sånaden var ½ t. bl. korn, 1 t. havre og 1½ t. poteter.

Sonen

*Ingebrigt Olsen Velle* (f. 1859, d. 1926) g.l. 1886 på Stranda med Karen Marie Lovise Olsdtr. Skjortnes f. 1865, g. att som enkjemann 1907 m. Elen Petrine Monsdtr. Espehjelle f. 1863.

Br. 1879—ca. 1893.

Av borna i 1. ekteskap var dei tre første fødde i Sykkylven, dei andre på Holseter i Fræna, Ytre Romsdal: Lars (f. 1887, d. 1944) Utv. til USA, busett i Brooklyn, der han m.a. var mykje med i

norske samskipnader. Gift med Anna Nilsen frå Svelvik. Dei har to gifte døtre, busette USA. Paul Gerhard (f. 1891, d. 1922) g. m. Paula Halle frå Larsnes, d. 1923. Han var forstandar for frikyrkje. Son Kåre f. 1921. Kjøkensjef. Busett Skarbøvik. Marie (f. 1894, d. 1917) (spanskesykja). Ingvald (f. 1896, d. ca. 1920) g.m. Charlotte Nilsen frå Alvdal. Bustad Alvdal. Hadde ikkje born. Petra (f. 1898, d. 1973) g.m. Peder Rossetvik frå Volda. Busett Molde. Hadde ikkje born. Ida (f. 1900, d. 1966), hadde dottera Rigmor f. Wolff, g. Kolshus. Rigmor er barnevernkonsulent i Asker. Sigvard (f. 1902, d. 1969). Utv. til USA. Død i San Pedro. Gift, men hadde ikkje born. Urna hans nedsett i Norge.

2. ekteskap: Elen Petrine hadde dottera Inga Jørgensdr. f. 1897. Margit f. 1908 g.m. Arthur Moldværsmyr. Busett Langevåg. Richard f. 1909 g.m. Gunnvor Skare frå Ørsta. Busett Skien,

Ingebrigt Olsen løyste ut Heggebakken for 600 kroner i 1879 av Ole Berntsen Velle i Knutgarden, og vart dermed sjølveigar. Ingebrigt dreiv landhandel i denne tida. Etter tradisjonen byrja han handel i stabburet i Toregarden på Velle, men flytte så til Fausastova på Straume der han hadde butikk nokre år. Først i 1880-åra kjøpte han ei sjøbud som Lars Olsen Tjønes hadde på Skjerholmen på Tjønes, førde henne til Straumgjerde, og sette henne opp att ved postvegen på Straume, litt nord for vegkrysset til Straumsheim. Her dreiv Ingebrigt handelen vidare. Stova vart seinare kalla Tørgjerbuda. Sjå Straume bnr. 26.

Ingebrigt kom i pengevanskar, og i 1882 vart Heggebakken seld på auksjon til Fredrik Martinussen Fet for 1000 kroner. Ingebrigt vart buande på Straume, men etter nokre år slutta han med handelen og byrja som emissær. Han flytte ei tid til Fræna i Ytre Romsdal og budde der, så til Fausa og deretter til Bodø. Som eldre mann kom han attende til Romsdal, men levde siste åra på Ørskog og døydde der i 1926.

Heggebakken gjekk over til bror hans

*Bernt Olsen Velle* (f. 1868, d. 1950) g.1. 1901 m. Helene Olsdtr. Overvoll frå Stranda (f. 1871, d. 1904) g.2. 1906 m. Karoline Olsdtr. Overvoll (f. 1866, d. 1956).

Br. 1890—ca. 1940.

Barn 1. ekteskap: Lovise f. 1903. Huspostar i yngre år, seinare husmor i heimen på Heggebakken.

Born 2. ekteskap: Henrik f. 1907. Oluf f. 1909. Utvs. nr. 988. Oskar f. 1911.

Bernt O. Velle løyste ut att bruket i 1903 av Fredrik Fet for 1000 kroner. I dette kjøpet var også medrekna skogteigen «Lilleføre» bnr. 16 med skyld 0,06 mark. Bernt bygde nytt stovehus, bygde om løa og utvida henne, og i 1908 kjøpte han plassen Reiten bnr. 11 på Velle av Fredrik Fet for 1000 kroner. Då bygslaren i Reiten. Ivar Pedersen, døydde i 1924, tok Bernt over drifta, og drog avlinga til Heggebakken. I yngre år dreiv Bernt torskefiskja på havet i open båt, og var kjend som fin svær torskedragar. Han arbeidde også ei tid hjå Conrad Langaard i Oslo. Medlem i Sykkylven kommunestyre.

Tre av borna driv no Heggebakken og Reiten. Det er

*Lovise Berntsdtr. Velle* f. 1903,

*Henrik Berntsen Velle* f. 1907 og

*Oskar Berntsen Velle* f. 1911.

Dei har lagt ned eit stort arbeid på bruket, og har ale fram ein gild buskap. Midt i 1050-åra flytte dei frå Heggebakken til Reiten der Henrik og Oskar hadde sett opp nytt stovehus og nytt løhus. Ved sida av arbeidet med bruket har Henrik og Oskar arbeidt i mange år ved Velle sementmursteinfabrikk i Toregarden, og elles vore mykje ute på dagarbeid.

#### BRUK A.

*Jakob Velle* sit først på 1600-talet med eit bruk som etter tienda å døme er mykje større enn dei andre bruka på garden. Det kan sjå ut til at både Jakobbruket bnr. 6, Askjellbruket bnr. 7 og Jo-bruket bnr. 6 går ut frå dette bruket som her vert kalla bruk A.

Jakob bygsla dette bruket. Dessutan åtte han i 1603 1½ våg jord. I 1615 vart han pålagd å halde knekt av jordegodset sitt, og det vart sonen, Jakob Jakobsen, 10 år gamal,

#### JAKOBOARDEN bnr. 6.

*Anders Olsen Velle*, br. ca. 1610—ca. 1631.

Han var svoger til Jakob Velle på bruk A., og brukte i 1615 1 våg fiskeleige saman med han. Truleg er difor Anders sitt bruk gått ut frå bruk A.

Etter Anders kom

*Lars Sæmundsen*, som brukte 3 mællag frå ca. 1631 til ca. 1670. Lars var 78 år i 1666.

Han skatta i 1658 av 1 hest, 10 kyr, 6 geiter og 5 sauer.

Sonen

*Ole Larssen Velle* (f. ca. 1641, d. 1725) g.1. m.? g.2. m. Berte Jakobsdtr. Velle frå Toregarden (f. ca. 1669, d. 1744).

Br. ca. 1670—1730,

Skiftebuet etter Ole i 1725 hadde ei brutto eige på 37 rdl.

Sonen frå 2. ekteskap

*Jakob Olsen Velle* (f. ca. 1099, d. 1782) g.1. 1732 m. Marte Jansdtr. Fet. (f. ca. 1710, d. på barsel 1752) g.2. 1753 m. Guri Rasmusdtr. Myklebust frå Stranda (f. 1718, d. 1758) g.3. 1759 m. Anne Olsdtr. d. 1767, 56 år gml.

Br. 1730—1767.

Bygselsetel til Jakob frå Søren Madsen i 1730 på 3½ mællag. Jakob var lagrettemann i 1744,

Sonen

*Ole Jakobsen Velle* (f. 1741, d. 1803) g. 1768 m. Anne Andersdtr. Lade (f. 1749, d. 1802).

Br. 1767—1801.

Bygselsetel frå enkja etter Søren Madsen, Anne Harboe, i 1767 på 3½ mællag. Ole var lagrettemann i 1790. Skiftebuet etter Anne Andersdtr. i 1802 hadde 189 rdl. i brutto eige. Gjelden var 17 rdl. Eldste sonen, Jakob, tok over Ellinggarden på Dravlaus. Ein annan av sønene tok over Jakobgarden. Det var

*Anders Olsen Velle* (f. 1777, d. 1849) g. 1803 med Anne Larsdtr. Velle (f. Fet, Hansgarden, 1769, d. 1844).

Br. 1801 — 1832.

Anne Larsdtr. var enkje etter Amund Pedersen Velle, Jogarden. Bygselbrev i 1801 frå prost Claus Frimann til Anders Olsen på 1 våg 2 mrk. Men Anders skatta seinare av berre 2 pd. 19⅔ mrk. Bruket vart i 1802 verdsett til 162 rdl. Skiftebuet etter Anders i 1852 hadde ei brutto eige på 125 spd. Gjelden var 17 spd.

Sonen

*Ole Anderssen Velle* (f. 1807, d. 1847) g. 1832 m. Laurentze Martinusdtr. Aurdal frå Nilsgarden (f. 1812, d. 1854).

Br. 1832—1848.

Bygselsetel frå prost Frimann i 1832. Kår til Ole sine foreldre. Han la av eiden til Grunnlova i 1841 og fekk stemmerett. Var lagrettemann i 1842. Ved den nye skyldsettinga i 1838 fekk Jakobbruket 2 dlr. 3 ort og 12 skl. i skyld. I 1847 løyste Ole ut garden for 410 spd. av pastor P. Arentz som i 1846 hadde fått



utlagt dette bruket i skiftet etter P. H. Frimann for 270 spd. Skiftet etter Ole Anderssen i 1848 synte ei brutto eige på 729 spd. Gjelden var 175 spd.

Enkja Laurenze Martinusdtr. gifte seg att 1848 med enkjemannen

*Martinus Gulliksen Tjønes* frå Guleikgarden (f. 1810, d. 1896).

Br. 1848—1862.

Martinus hadde vore gardmann i Straumgjerde (sjå bnr. 1) før han flytte til Velle. Martinus var også skulehaldar, og vart i dagleg tale kalla Skule-Martines. I 1836 fekk han eit sylvstaup i premie i frå Romsdal Amts Landhusholdningsselskap for å ha lært opp ungdomen i skriving. Han slutta som lærar i 1869. Martinus var også i kommunestyret, såleis varaordførar i Ørskog og Sykkylven frå 1850 til 1855. Han var også med i det første styret til Sykkylven Sparebank i 1863 og vart då vald som varaformann. Martinus Gulliksen åtte fleire gardar, og var velståande.

Son til Laurentze frå første ekteskap med Ole Anderssen tok over Jakobgarden etter Martinus. Det var

*Andreas Olsen Velle* (f. 1834, d. 1919) g.l. 1858 m. Emte *Tomasine Iversdtr. Utgård* (f. 1839 d. 1874) g. 2. 1878 m. enkje Anne Bergitte Severinsdtr. Løset (f. Grebstad, Severingarden, 1830, d. etter 1909).

Br. 1862—ca. 1890.

Born: Iver f. 1859 g. på bruket. Ole f. 1863, d. 1881.

Andreas ervde halve bruket i skiftet etter far sin i 1847. I 1862 fekk han skøyte på den andre halvparten av stykfar sin, Martinus Gulliksen Velle, for 325 spd. og kår. Det var sett opp nytt stovehus i Jakobgarden i desse åra, men av nyehuset fekk Andreas førebels rett til berre storstova med fremste kammerset, vedskotet «og loftene derover.» Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Andreas fiske om vintrane. Buskap i 1875: 1 hest, 1 unghest, 6 kyr, 5 ungdyr, 20 sauer, 6 geiter og 1 gris. Dessutan kårdyra til Martinus Gullikson: 2 kyr og 4 sauer. Sånaden på bruket var  $\frac{1}{2}$  t. bygg,  $\frac{2}{3}$  t. bl. korn, 5 t. havre, 4 t. poteter og 4 ar med rot-frukt.

Son til Andreas frå første ekteskap

*Iver Andreassen Velle* (f. 1859, d. 1938) g. 1887 m. Jensine Knutsdtr. Brudevoll (f. 1868, d. 1953).

Br. ca. 1890—1925.

Born: Ole Severin f. 1890, g. på bruket. Anne Marie f. 1897.

Iver Andreassen fekk heimelsbrev til bruket i skiftet etter mor si i 1878 for 3.000 kroner, men med bruksrett for Andreas Olsen til halve bruket. Ved sida av arbeidet med garden dreiv Iver vinterfiskje etter torsk i mange år, m.a. i 6 år frå Gjøvsundsætra. Alt i 1894 tok Iver saman med grannane opp arbeidet med skogplanting under «Fossen» på Bruabakken. Etter jordskiftet av innmarka på Velle i 1911 var Jakobgarden mellom dei som måtte «flytte ut». Iver sette opp nytt stovehus (av Schmidt-murstein) i 1912, og ny løe med køyrebane i 1913—14. Same året bygde han også stabbur. Iver og Jensine la ned eit stort arbeid på garden. Iver var også interessert i song og musikk. Han spolte «tonespel» (salmodikon) og kjøpte seg også orgel. Når folket på garden var samla kring «vangilja» var det Iver som var «føresongar». Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda på Jakob garden, 2 dlr. 3 ort og 12 skl., revidert til 4,82 skyldmark. Son til Iver tok over bruket. Det var

Ole *Severin Iversen Velle* (f. 1880, d. 1970) g. 1923 m. Ellen Olsdtr. Fausa frå Halkjellgarden f. 1894.

Br. 1925—1968.

Born: Ivar Andreas f. 1924, har teke over bruket, Jofrid f. 1926, sjukesyster, g. 1956 m. Odd Hansen frå Kragerø. Busett Oslo. Marie f. 1930, husmorskule, husmorvikar i Oslo, no butikkdame på Aure. Olav f. 1934, ingeniør, g. m. Marit Erlingsdtr. Tandstad, frå Straumgjerde bnr. 33. Elsa f. 1936, handelsskule, g. 1959 m. rørleggjar Roald Nystrand frå Risør. Busett i Oslo.

Ole Severin Velle fekk skøyte på bruket i 1925, men han hadde då alt i mange år hjelpt foreldra sine med gardsdrifta. Han gjekk snikkar.skule i yngre år, arbeidde så i mange vintrar på sjøbuder i Ålesund og på garden resten av året. Saman med kona si har han lagt ned eit stort arbeid på bruket, både med jorddyrking og krøterstell. Han har dyrka resten av heimebøen som far hans ikkje vann over, dessutan Dalegjerdet og Bjønnagjerdet. Berre på stykket i Bønnagjerdet tok han opp 350 m veiter, han dreiv også ei tid halve Halkjellgarden på Fausa, og køyrde avlinga med hest og vogn etter gamlevegane til Velle. Ellen og Ole Severin ol seg til ein framifrå buskap. Ei tid hadde dei 2 avlsmerrar, baa med 2. premi. Dei har bygt på løa og modernisert stovehuset frå kjellar til loft.

Ole.S. I. Velle var medlem i kommunestyret, skulestyret, sty-

ret for Sykkylven privatbank, og han var medhjelpar i kyrkja frå 1929 til 1956.

Sonen

*Ivar Olsen Velle* f. 1924 tok over bruket i 1968. Han har gått landbruksskulen på Gjennundnes, og arbeidde seinare på fabrikk. saman med far sin kjøpte Ivar traktor i 1950-åra, og gardsdrifta er etter kvart blitt mekanisert. Buskapen er ca. 10 mjølkekyr, ca. 10 ungdyr og ein del sauer.

ASKJELLEARDEN bnr. 7.

Sjå bruk A.

*Lars Jakobsen*, br. ca. 1620—ca. 1644.

I 1624 og 1626 stod Lars og syskena hans som eigarar av 8½ mællag jordegods, men dette jordegodset var ikkje på Velle. Lars kan vere bror til Tore i Jogarden og Jakob i Karigarden. Enkja etter Lars vart nemnd i 1645. Ho vart truleg gift att med ein

*Anders*, som brukte garden saman med styksonen

*Nils Larssen Velle*. Br. ca. 1644- ca. 1685.

Han betalte kveg-skatt i 1658 av 1 hest, 6 kyr, 2 geiter og 2 sauer. I 1653 stemnde Henning Hansen Smith Anders Velle for 1 lylft bord som Anders var skuldig Anders Hansen i Hanken. Anders Velle møtte ikkje på tinget, men styksonen Nils Larssen møtte. Han vedgjekk ein gjeld på ½ rdl., men for dette hadde Anders i Hanken fått 2 våger 2 pd. rå fisk. Domen gjekk ut på at dersom ikkje Nils kunne syne kvittering for fisken, måtte heilt gjelden betalast.

*Ole Olsen Velle* (f. ca. 1664, d. 1724) vart kalla Unge-Ole til forskjell frå ein eldre Ole på eit småbruk på Velle. Unge-Ole brukte 3 mællag 5 mrk. ca. 1685—ca. 1721. Søren Jensen Fisker stemnde han for retten i 1712 for 1 rdl. 5 mrk. og 3 skl. i gjeld. Unge-Ole ville gjerne betale gjelden men bad om utsetjing «i disse besværlige tider». Han vart dømd til å betale innan 15 dagar.

Versonen

*Askjell Arnesen* (f. ca. 1681, d. 1742) g. 1722 m. Anne Olsdtr. Velle (f. ca. 1702, d. 1780).

Br. 1721 — 1741.

Etter han har Askjellgarden fått namn.

Enkja Anna Olsdtr. gifte seg att 1743 med

*Jørgen Larssen Hjortdal* (f. ca. 1711, d. 1774). Han var son til Lars (Kolbeinsen ?) Hole. Bygselbrev i 1741 på 3 mællag 3 mrk. frå Søren Madsen. Jørgen sat som brukar til ca. 1769 då han gav bruket over til sonen

*Lars Jørgensen Velle* (f. 1745, d. 1803) g. 1769 m. Marte Olsdtr. Velle frå Toregarden (f. 1735, d. 1808).

Br. ca. 1769—1798.

Han skatta av 2 pd. 5 mrk. i 1774 og 2 pd. 19  $\frac{2}{3}$  mrk. i 1791. Lars var lagrettemann.

Skiftebuet etter han i 1804 hadde ei brutto eige på 75 rdl. Gjelden var 68 rdl.

Sonen

*Lars Larssen Velle* (f. 1778, d. 1856) g. 1801 m. Berte Marie Nilsdtr. Aure frå Bakken bnr. 12 (f. 1779, d. 1837).

Br. 1798—1842.

Bygselsetel på 1 våg 1798 frå sokneprest Claus Frimann. Lars var lagrettemann i 1817. Berte Marie ervde m. a. Bakkebruket på Aure etter foreldra sine og ho åtte også Knutbruket på Aure, men Lars Larssen kom snart i gjeld, og han måtte selje garden på Aure. Skiftebuet etter Berte Nilsdtr. i 1838 var fallitt.

Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på Askjellbruktt 1 våg  $3\frac{37}{78}$  mrk. endra til 2 skylddlr. 3 ort 12 skl.

Son til Lars Larssen tok over bruket. Det var

*Lars Nikolai Larssen Velle* (f. 1817, d. 1900) g. 1842 m. Berte Johanne Gjertsdtr. Dravlaus frå Bøtelgarden (f. 1824, d. 1870).

Br. 1842—1869.

Born: Bastian f. 1843 g. på bruket. Karen f. 1846 g.m. Karl Pedersen Hjortdal. Tok over Bøtelgarden på Dravlaus. Karoline f. 1858 g.m. Ole Knutsen Lade (Remane). Lars Peter f. 1861 g.m. Olave O. Brunstad frå Sølmongarden. Busett Brunstad, Nakken bnr. 12. Lovise f. 1864 g.m. enkjem. Lars Martinus Rasmussen Skottet. Sjø Indre Fauske, Fauskekamb. bnr. 5. Olave f. 1864, gift. Budde i Oslo.

Bygselsetel i 1842 til Lars *Nikolai* Larssen frå P. H. Frimann. Kår til Lars Larssen. I 1875 fødte Nikolai 1 hest, 5 kyr, 1 ungdyr, 13 sauer og 1 gris. Dessutan 4 kyr, 2 ungdyr og 1 gris som Lars Larssen åtte. Sånaden på bruket var  $\frac{1}{4}$  t. bygg, 3 t. bl.korn, 4 t. havre,  $2\frac{1}{2}$  t. poteter og 4 ar med rotfrukt. I Nikolai si brukstid skifte Askjellbruket eigar. Sakfører Malthe Tonning fekk i 1846 ta over dette bruket for 250 spd. frå buet etter madam M. Frimann

og proprietær P. H. Frimann. Tenning selde så i 1856 garden til Martinus Gulliksen Velle i Jakobgarden for 400 spd.

Son til Nikolai Larsaen tok over bygselen. Det var

*Bastian Nikolaisen Velle* (f. 1843, d. 1910) g.1. 1868 m. Susanne Larsdtr. Brunstad frå Bøen (f. 1841, d. 1871) g.2. m. Nikoline Olsdtr. Dravlaus frå Bøtelgarden (f. 1845, d. 1930).

Br. garden saman med far sin frå ca. 1869, sidan åleine til ca. 1908.

Barn i 1. ekteskap: Ole f. 1868 g. m. Johanne Karlsdtr. Brunstad og tok over Monsgarden bnr. 4 på Brunstad.

Barn i 2. ekteskap: Susanne f. 1873 g. m. Karl Johan H. Brunstad i Toregarden bnr. 11.

Bastian Nikolaisen fekk bygselbrev i 1869 frå Martinus Gulliksen Velle. Kår til Bastian sine foreldre. Førstekona til Bastian døydde på barsel. Det vart henta lækjar til henne frå Ørskog, men før han nådde fram, andast ho.

Den gamle skylda på bruket, 2 dlr. 3 ort og 13 skl. vart ved den nye skyldsettinga i 1890 endra til 4,70 skyldmark.

Borna til Bastian Nikolaisen flytte til Brunstad, og då Bastian sa opp bygselen i 1908, kom det nye folk til Askjellgarden. Bruket gjekk i arv frå gardeigaren Martinus Gulliksen Velle til versonen Andreas Bastiansen Velle i Karigarden. Han gav Askjellgarden til versonen

*Nils Nilsen Weiberg-Aurdal* frå Tormodgarden på Aurdal (f. 1867, d. 1942) g. 1904 m. Bastianne Andreasdtr. Velle frå Karigarden (f. 1877, d. 1940),

Br. 1908—1938.

Born: Nils f. 1905. Alfred f. 1909. Gustav f. 1915.

Dei tok seinare over bruket. Nils og Bastianne budde første tida i Karigarden. Nils var bygningsmann, m.a. i Skjåk, Lom og i Oslo. Han dreiv også torskefiske nokre vintrar. I 1917 bygde han stovehus på Askjellbruket. Han sette også opp stabbur og vølte løa. saman med kona si la han ned eit stort arbeid på bruket, tok opp mykje veiter og planerte. Han dyrka opp heile bøen og ein stor part av Gjerdet. Planta skog, m.a. under Fossen. saman med broren og brorsonen i Karigarden kjøpte Nils i 1925 3 par sylvrev som vart til ein stor revefarm med åra. Nils var røktar. Dei tre sylvrevpara saman med ei liknande sending til Nymarka på Straumsheim var dei første sylvrevane som kom til Sykkylven. Nils og Bastian ol også fram ein svært gild buskap av Sør- og

Vestlandsfe siste åra dei sat med garden, og kyrkalvar og oksar frå deira fjøs vart stamforeldre til mange buskapar både i Sykkylven og andre bygder på Sunnmøre. Medan Nils brukte garden vart Fremmerbø bnr. 14 delt, og halvparten bnr. 18 vart lagt inn under Askjellbruket I 1938 gav Nils og Bastianne skøyte på bruket til dei tre sønene Nils, Alfred og Gustav.

1. *Nils Nilssen Weiberg-Aurdal* (f. 1905, d. 1947) g. 1939 m. Bergljot Pettersdtr. Ous frå Vekslet på Stranda, f. 1906. Nils var meierikandidat frå Landbrukshøgskolen på Ås, og vart styrar ved Surnadal Meieri, men dreiv Askjellgarden attåt, saman med brørne sine. Som gardbrukar var han serleg interessert i storfe, og la ned mykje strev og kapital til å ale fram ein høgtytande buskap, m.a. gjennom innkjøp av dyr frå Sørlandet. Han drukna under bading i Surnaelva i 1947. Etter ulykka flytte Bergljot Weiberg-Aurdal attende til Stranda der ho bygde hus.

2. *Alfred Nilssen Weiberg-Aurdal* (f. 1909, d. 1971) g. 1940 m. Gudrun Lehne frå Lyngdal.

Barn: Bjørg f. 1943, stud., tannlækjarsyster, g. 1967 m. ingeniør Nils Normannsen Kalvatn. Busett Volda.

Alfred Weiberg-Aurdal var tannlækjar i Ålesund 1940—1971. Han hadde vidareutdanning i tannkirurgi. Ved sida av arbeidet som tannlækjar var han ein svært interessert gardbrukar, og hadde storfeal som serinteresse. saman med bror sin Nils kjøpte han inn mange gilde avlsdyr av Sør- og Vestlandsfeet. Seinare var Alfred med og førde inn NRF-feet. I mange år var han formann i Velledalen Fealslag, og domar ved statsutstillingane for storfe. I 1946 bygde han ny fjøs saman med bror sin Nils. Elles dreiv han bruket med leigd hjelp.

Alfred Weiberg-Aurdal var mykje oppteken med sosiale gjeremål, og for å betre folkehelsa. Som medlem av Venstre i Ålesunds bystyre vart han vald som formann i byggenemnda for det nye fylkessjukehuset på Åse, ei oppgåve han la all si arbeidskraft i å løyse. Eit par veker før det nye fylkessjukehuset vart offisielt opna, døydde han brått. Som ei synleg takk for arbeidet Alfred Weiberg-Aurdal hadde lagt ned for det nye sjukehuset, vart det på opningsdagen avduka eit måleri av han. Maleriet heng no på sjukehuset.

3. *Gustav Nilssen Weiberg-Aurdal* (f. 1915, d. 1975) g. 1941 m. Petra Elfrid Pettersdtr. Reed frå Måløy f. 1909.

Barn: Nils Petter f. 1943, student, g. 1905 m. Sigrunn Johnsdtr. Stokke frå Hennøystanda, Nordfjord, f. 1947.

Gustav Weiberg-Aurdal var styrar ved Herøy Framhalds- og Realskule, og arbeidde på garden i feriane til han vart sjuk (lunge- og tuberkulose) og måtte slutte alt arbeid i 1943. Etter 7 år til sengs kom han ut frå sjukehuset i 1951, men var då invalid. Seinare sysla han med skrivararbeid, var m. a. ei tid redaktør i «Sykkylvsbladet». Frå 1962 var han i arbeid for Sykkylven sogelag med gardssoga for Sykkylven som no ligg føre i to band. Han var med i fridomskrigen i Gudbrandsdalen i 1940. Petra Weiberg-Aurdal har m.a. vore formann i Sykkylven husmorlag.

#### BØEN bnr. 8 (Rasmusbøen)

Minste parten vart utskild frå Askjellbruket i 1847 med skyld 12 skilling. Største parten vart utskild frå Jobruket i 1873 med skyld 24 skilling. I 1874 vart desse to partane slegne til eitt bruk med skyld 1 ort og 12 skilling, rev. 1890 til 0,52 skyldmark. Første brukaren var

*Rasmus Eriksen Sannes* frå Innvik prestegjeld (f. ca. 1795, d. 1858) g.m. Synnøve Pedersdtr. (f. ca. 1793, d. 1858).

Br. 1820- 1848.

Dei kom frå Nordfjord i 1820, og fekk festesetel i 1821 frå Peder Larssen Velle i Jogarden på «noen stykker mark». Rasmus må også ha fått festesetel på eit stykke under Askjellbruket. Dette stykket som vart skyldsett i 1847 til 12 skilling, løyste Rasmus Eriksen ut same året for 25 spd. av Ole Tidemann Meldal sine ervingar. Dei hadde fått utlagt dette stykket i skiftet etter proprietær Peder Harboe Frimann og kona.

Son til Rasmus tok over plassen. Det var

*Petter Elias Rasmussen Velle* (f. 1827, d. 1906) g. m. Anne Ingebør Korneliusdtr. Gjørva (?) frå Ned-Stryn (f. ca. 1822, d. 1903).

Br. 1848—ca. 1876.

Born: Severine f. 1850 g.m. Ole Bastian Pettersen Tjønes. Guleikgarden (Brauta) bnr. 3. Rasmus f. 1854 g. på bruket. Berte Karoline f. 1859 g.m. Ludvik Kristoffersen Riksheim, Reiten bnr. 6.

Petter Elias fekk bygselsetel på «Jo-stykket» i 1848 frå Peder Johannessen Nordang. Kår. I 1873 løyste han ut denne parten frå



#### VELLE-SETRA 1917.

*Lengst bak: Oskar Velle, Oluf Velle, Henrik Velle, Lovise Velle, Jenny Vikstad f. Velle, Karoline Velle f. Overvoll, Laura Bjørnøy f. Velle, Johanne f. Straumsheim, Anna I. Velle, Anne Lund f. Velle, Susanna Velle, Lovise Brunstad (tenestejente i Jogarden), Kanutte Velle.*

Foto: Ole Brudevoll.

Johannes Pedersen Nordang for 200 spd. «Askjellstykket» tok Petter Elias over etter far sin, og han åtte dermed heile plassen. «Askjellstykket» vart i 1964 rekna til 3 mål dyrka åker og eng. Buskapen på Rasmusbøen var i 1875 4 kyr, 1 ungdyr, 12 sauer og 3 geiter. Sånaden 1 t. bl.korn, 1 t. havre og 2 t. poteter.

Etter tradisjonen gjekk Anne Ingebør Flofjellet då ho flytte til Velle, og hadde heimafylgjet sitt i ei kiste som ho bar i fatleband (bereband over baa skuldrene). Petter Elias var smed.

Sonen

*Rasmus Petersen Velle* (f. 1854, d. 1931) g. 1877 m. Jensine Pettersdtr. Tjønes frå Guleiksgarden (f. 1849, d. 1921).

Br. ca. 1876—1898.

Born: Petter f. 1877 g. på bruket. Ingeborg *Jakobine* f. 1878. Utsv. nr. 1008. Berte Marie f. 1881 g.m. Martin Myklebust, Søre Vartdal. Anne f. 1885 g.m. Rudolf Nilsen, Ørskog. Sjå også Tjønes, Syverplassen bnr. 4. Johanne f. 1888 g. m. Frans Hatløy, bustad Ratvik.

Rasmus bygde på huset med ei stavelengd mot sør (storstova),



men flytte i 1898 til Tjønes der Jensine hadde fått Syverplassen av far sin. Sjå Tjønes bnr. 4.

Son til Rasmus tok over Bøen. Det var

*Petter Rasmussen Velle* (f. 1876, d. 1933) g. m. *Hanne Kanutte Jensdtr. Tu* (f. 1868, d. 1957).

Br. ca. 1898—1935.

Barn: Jenny f. 1906, g. på bruket,

Petter Rasmussen fekk skøyte på Rasnmsbøen i 1902 frå bestefaren Petter Elias for 1.500 kroner. Petter Elias og kona skulle ha kår og dessutan heldt dei att som eigedom vestenden av stovehuset, smia og halvparten i seterhusa med tufter.

Ved sida av arbeidet med bruket, som han dyrka godt opp, dreiv Petter mykje med vegarbeid, han var dugande til å minere stein og sprengje berg med dynamitt, og var også ofte ute i dagarbeid hjå grannane. I 1920-åra tok han opp Kanalen som gjekk over bruket hans. Petter skylddelte frå bruket sitt ei stykke «Solbø» som fekk bnr. 17 og skyld 0,17 mark. Stykket ligg på Velle-brauta.

Etter Petter og Kanutte kom versonen

*Leidulv Torgeirsen Vikstad!* frå Straume bnr. 26 f. 1903 g. 1929 m. Jenny Pettersdtr. Velle f. 1906.

Br. frå 1935.

Born: Per f. 1929, løytnant, g. m. Hjørdis Karlsen frå Bardu. Lilly f. 1932 g.m. Einar Kalvatn frå Volda. Sjå Straume bnr. 28. Judit f. 1932 g.m. Halvard Harstad frå Gjemnes. Sjå Blindheim bnr. 87. Palma f. 1936 g.m. Torfinn Støylen frå Naustdal i Sunnfjord. Sjå Vik, tomter under bnr. 6. Torgeir f. 1946, bygningsmann, g. 3969 m. Aud Aune frå Årsfjord f. 1945.

Jenny Pettersdtr. fekk gåvebrev på bnr. 17 i 1907, og skøyte på bnr. 8 med hus i 1939 for 3000 kroner og kår. Ho og mannen har stelt bruket godt. Dei bygde nytt stovehus i 1952. Leidulv var motormann og dreiv fraktearbeid i yngre år. Seinare har han arbeidt som salmakar i møbelindustrien i mange år. Leidulv Vikstad har vore svært nevenyttig og hendig. I fritida kunne han lage dei finaste fiskestenger av limte og røynde lamellar, eller «slå nuperellar» om det spurdest etter slikt til borna i vogga. I seinare år har synet svikta, og gjort det vanskeleg for han å utføre finstilt arbeid. Han har også vore aktivt med i kulturarbeidet for ferskvassfisket, og var såleis den første i Sykkylven som stod

føre arbeidet med klekking av lakserogn då Velledalen Yngelstasjon i 1944 starta dette arbeidet på Velle.

Sonen har no teke over bruket. Det er

*Torgeir Leidulvsen Vikstad* f. 1946 g. 1969 m. Aud Aune frå Arsfjorden f. 1945.

Br. frå ca. 1973.

Barn: Anne Turid.

Torgeir Vikstad er utlærd bygningssnikkar og har vore med og sett opp mange store og mindre hus i distriktet. Frå først i 1970-åra etter at skiftet av utmarka på Velle var ferdig, har han også lagt ned eit stort arbeid med nydyrking. Såleis har han teke opp og dyrka eit større stykke av utmarka på Dalemyra og sameleis eit større felt oppe på bakkane mot den nye riksvegen. Han har kjøpt traktor og andre gardsreiskapar, og bygt silokumme. Aud Vikstad var likningsfullmektig før ho gifte seg.

JOGARDEN bnr. 9.

*Tore Jakobsen Velle*, br. ca. 1617—ca. 1660.

Han var truleg son til Jakob Velle på bruk A. Sjå dette. I 1658 skatta Tore av 1 hest, 5 kyr, 2 geiter og 3 sauer.

*Jon Toresen Velle*, br. 3 m;dlag 5 mrk. frå ca. 1660.

Enkja truleg gift att med

*Elling*, nemnd sist i skattelista for 1700.

*Jon Ellingsen Velle* var 34 år gml.i 1701, d. 1729.

Han vart stemnd for retten i 1699 av Marte Arnesdtr. Fauske fordi han hadde halde skifte etter bror hennar, Jakob.

*Knut Jonsen Velle* (f. ca. 1703, d. 1770) g. 1732 m. Siri Jørgensdtr. Fet frå Jørngarden (f. ca. 1705, d. 1758).

Br. 1732—1760.

Bygselsetel i 1732 frå Hans Møller på 3 mællag 5 mrk.

Sonen

*Jon Knutsen Velle* (f. ca. 1741, d. 1823) g. 1761 m. Borni Salmundsdtr. Brunstad (f. 1722, d. 1804).

Br. 1760—1789.

Bygselsetel frå Knut Høeg i 1760 på 2 pd. 11 mrk. Jon Knutsen var lagrettemann i 1773.

Versonen

*Amund Pedersen Velle* frå Åmundgarden (f. 1767, d. 1801)

g. 1. 1790 m. Anne Jonsdtr. Velle (f. 1763, d. etter barsel 1790) g. 2. 1791 m. Anna Larsdtr. Fet frå Hansgarden (f. 1769, d. 1844).

Br. 1789—1802.

Amund fekk bygselsetel i 1789 på 2 pd. 5 mrk. Kår til Jon Knutsen frå 1791. Amund døyddde i 1801. «Han gled ned af et Field, og derved blev slagen tildøde af Faldet» står det i kyrkjeboka. Etter tradisjonen fylgde han med ei høymeis utfor Klinthammaren. Skiftet etter «dannemand» Amund Pedersen i 1801 synte ei brutto eige på 207 rdl. Gjelden var 13 rdl. Enkja Anne Larsdtr. gifte seg att 1803 med Anders Olsen Velle og flytte med dei tre borna sine til Jakobgarden bnr. 6.

Til Jogarden kom no

*Peder Larssen Riksheim* (f. 1774, d. 1822) g. 1802 m. Guri Pedersdtr. Fet frå Jogarden (f. 1775, d. 1854).

Br. 1802—1827.

Peder var tambur. Han tente i Knutgarden på Velle då han trulova seg med Guri Pedersdtr. som var syster til husmora. Bygselsetel på Jogarden 2 pd. 6 mrk. i 1802 frå Christen Wallin som hadde fått utlagt dette bruket i skiftet etter madam Høeg i 1791. I 1811 makeskifte Peder Larssen Velle eit bruk i Sandvik på 1 pd. 12 mrk. med Christen Wallin og fekk Jobruket i staden mot eit mellomlag på 300 rdl. Dessutan fekk Peder Larssen kjøpe ein gardpart på 8 mrk. av verbror sin, Jørgen Ingebrigtsen Velle i Knutgarden. Det var i 1813, og Peder Larssen betalte 37 rdl. for denne parten som truleg var ein rest av Nilsbruket. Peder må ha hatt noko kapital. Han lånte også ut pengar, m.a. 300 rdl. i 1812 til ein mann på Straume mot pant i garden hans. Skiftebuet etter Peder Larssen i 1822 hadde ei brutto eige på 697 spd. Gjelden var 102 spd. Han hadde 5 born. I 1825 vart garden seld på auksjon til Johannes Sjursen Nordang for 460 spd. og kår til enkja Guri Pedersdtr. Son til Peder Larssen og Guri Pedersdtr. fekk ta over bygselen. Det var

*Knut Pedersen Velle* (f. 1803, d. 1806) g.m. Elisabeth Iversdtr. Kongshaug frå Borgund (f. ca. 1805, d. 1893).

Br. 1827—1859.

Bygselsetel frå Johannes Nordang i 1827. Knut var lagrettemann. Etter tradisjonen var Elisabeth (Lisbet) Kongshaug av velstående folk, og ho kom Til Jogarden med mange eignalutar, m.a. ein rosemåla ridesal. Ho reid til kyrkje med kristnabarnet sitt då mannen var i fiskja.

Skylda på Jobruket var i 1838 2 pd. ½ mrk., revidert til 2 dlr. 2 ort og 7 skl.

Sonen

*Peter Thomas Knutsen Velle* (f. 1832, d. 1868) g. 1859 m. Olave Petrine Pedersdr. Strømme frå Sølmgarden bnr. 1 (f. 1835, d. 1917).

Br. 1859—1869.

Born: Knut f. 1860 g.m. enkja Anne Oline Larsdr. Dravlaus i Toregard.en. Anne Elisabeth f. 1863 g.m. Jens Peter Jakobsen Hole i Jogarden.

Bygselsetel til Peter Thomas i 1859 frå Peder Johannessen Nordang. Kår.

I 1865 fødde dei på bruket 1 hest, 10 kyr, 15 sauer og 6 geiter. Sånaden var ¼ t. bygg, 2½ bl- korn, 4½ t. havre og 2 t. poteter,

Enkja Olave Pedersdr. gifte seg att med

*Ingebrigt Karolus Gundersen Brunstad* frå Gunnagarden (f. 1844, d. 1923).

Br. 1869—1895.

Born: Thomasine f. 1870, g. på bruket. Guri f. 1872 g.m. Ole Petter Martinussen Blindheim i Larsgarden bnr. 6. Olave f. 1878 g. på bruket.

Karolus Gundersen fekk først bygsle bruket av Peder Johannessen Nordang i 1869, men i 1879 selde enkja hans, Anne Jakobsdr. Nordang dette bruket for 3120 kroner til Karolus som med det var sjølveigar. Han fødde i 1875 1 hest, 1 unghest, 6 kyr, 4 ungdyr, 19 sauer, 4 geiter og 1 gris, og dessutan kårdyra til Lisbet Iversdr., 2 kyr, 2 sauer og 1 geit. Sånaden var 3 t. bl.korn, 3 ½ t. havre og 3 t. poteter. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda 2 dlr. 1 ort og 7 skl. revidert til 3,94 skyldmark. Ved sida av arbeidet med garden arbeidde Karolus som hjulmakar. Han arbeidde også likkister. Elles var han flink til å garve skinn, og laga skinnpungar og lerprinsar med vakre utkrotingar. Han var også netthendt til å bøte steinty og kruskjerald, og sette då ein eller fleire kjengar over sprekkene.

Etter Karolus kom versonen

*Ole Kristensen Vik* frå Lånagarden bnr. 3 (f. 1867, d. 1941) g.l. 1890 m. Thomasine Karolusdr. Velle (f. 1870, d. 1905) g.2. m. Olave Karolusdr. Velle (f. 1878, d. 1949).

Br. 1891—ca. 1918, sidan halve bruket.

Born: Guri f. 1890 g.m. Lars Johan Andreassen Aure i Eliasgarden bnr. 3. Petter Thomas f. 1895, g. på bruket.

Ole Kristensen fekk skøyte frå verfar sin i 1895 for 3.200 kroner og kår. Han flytte frå gamletunet og sette opp nytt stovehus og løhus på nye tufter i 1899. Ole var ein dugande arbeidsmann, og han la ned mykje arbeid på Jobruket, både med grøfting og jordbryting, han dreiv også sjøen og åtte ei tid båt saman med Stave-Tomas. Elles var han gråsteinsmurar, og sette opp ei mengd stovehusmurar og fjøsmurar både i Sykkylven og andre bygder. I yngre år hadde han gått i bygningslære i Honningdalen, og sysla også som bygningsmann. Han var også hjulmakar. Ole hadde fått bruksrett på ein skogteig i Vikedalen, og frå denne teigen dreiv han fram ein god del tømmer med tanke på å bygge ny driftsbygning på garden. Frå 1918 dreiv han garden saman med sonen

*Petter Thomas Olsen Velle* (f. 1895, d. 1933) g. 1918 m. Eli Olsdtr. Hellebostad frå Sunnylvn f. 1883.

Br. halve garden ca. 1918—1934.

Born: Olav Karsten f. 1918, g. på bruket. Thomasine Petrine f. 1921 g.m. Ole Lange frå Ålesund. Sjå Aure bnr. 188,

Petter Olsen Velle dreiv garden saman med far sin. I 1920-åra dyrka dei mykje jord, m.a. eit større felt i bakkane ovafor husa. Dei tok også opp Kanalen, leste med hand, og mura på bae sider. Vinterhalvåret var Petter mykje på fiskearbeid, m. a. dreiv han fiskeflekking på Utsira i 1920-åra. Han var også med på å byggt kraftverklinene gjennom Sykkylven. Elles hadde han gått snikkarlære i unge år, og hadde seinare verkstad i kjellaren sin der han m.a. dreiv hjulmakeri. Han var ein av dei første i bygda som skaffa seg bandsag. Elles var han mykje saman med far sin på dagarbeid som murar. Eli Olsdtr. var utdana meierske, og styrde m.a. meieriet ved Gamlebrua på Eidem og sidan Velledalen meieri før ho gifte seg og flytte til Jogarden.

Sonen

*Olav Pettersen Velle* f. 1918 g. 1949 m. Jenny Nilsen Aspenes f. 1921 i Balsfjord. Ho er dotter til Anny og Nikolai Nilsen Aspenes.

Br. frå 1934,

Born: Ellinor f. 1949 g.m. Kjell Arne Brunstad, Tusvik. Petter Norvald f. 1951, kontormann. Odd f. 1954. Gunnvor Lisbeth f. 1956.

Olav Velle var berre 15 år gamal då far hans vart sjuk og døydde i 1933. Året etter fekk Olav skøyte på bruket frå bestefaren Ole Kristensen Velle og kona Olave Karolusdtr. Bestefaren og far hans Olav hadde drive fram mykje byggjevyrke frå Vikedalen og andre skogteigar med tanke på ny driftsbygning i Jogarden, og i 1935 bygde Olav og bestefaren ny løe. I 1939 bygde Olav om stovehuset og la på ei ny høgd. I åra som har gått har han og kona lagt ned mykje arbeid på bruket. Dei har kjøpt traktor og andre moderne gardsreiskapar, dyrka ein heil del jord, serleg i Øyane og i Gjerda, og etter at farsystemannen til Olav, Lars J. A. Aure i Eliasgarden fall i frå, har Olav Velle også drive Eliasgarden og køyrt avlinga til Velle. I Jogarden har dei ale fram ein svært gild buskap, og Jenny og Olav Velle har to gonger fått diplom for godt mjølkestell. Dei fårar no 9—10 mjølkekyr, 15 ungdyr, 12—14 sauer og 1 hest.

Olav var også med på elveforbygginga. Ei tid dreiv han delproduksjon til møbelindustrien og hadde verkstad i kjellaren. Han var også forvert for lagshingstane til Stranda og Sykkylven Hestealag i mange år.

Olav P. Velle saman med sønene Petter og Odd bygde ny driftsbygning i Jogarden i 1974 med moderne fjøsinnreingar, silokummar etc.

TOREGARDEN bnr. 10.

*Enkja*, br. 16., -ca. 1627.

*Torstein*, br. ca. 1627—ca. 1664.

Han la kvegskatt i 1658 av 1 hest, 4 kyr, 2 geiter og 2 sauer.

*Jakob Torsteinsen Velle* f. ca. 1635.

Br. ca. 1664—1693.

Han skatta i 1675 av 2 mællag 11½ mrk. I 1677 måtte Jakob og Nils Larssen i Askjellgarden kvar betale ei bot på 2 ort i sylv for slagsmål.

Sonen

*Tore Jakobsen Velle* (f. ca. 1662, d. 1744).

Br. 1693—ca. 1735.

Bygselsetel i 1693 av Chr. Smith på 2 mællag 11½ mrk. Ny bygselsetel i 1720 på 2 ½ mællag frå Søren Madsen i Selje.

*Ole Toresen Velle* (f. ca. 1705, d. 1789) g.m. Marte Larsdtr.

Br. ca. 1735—1781.

I 1735 vart Ole Toresen Hole og Marte Larsdtr. Riksheim vigde. Om dette er same folket, er uvisst. Ole Toresen Velle brukte 2 mællag 1½ mrk.

Sonen

*Tore Olsen Velle* (f. 1751, d. 1805) g. 1780 m. Johanne Andersdtr. Straumsheim (f. 1749, d. 1824).

Br. 1781- -1801.

Bygselsetel i 1781 frå Isak Severin Frimann på 2 mællag 1½ mrk. I tillegg fekk Tore: bygselsetel på eit mællag som Peder Knutsen Velle hadde brukt. Om dette mællaget vart det tvist med Ole Larssen Velle i Karigarden som i 1789 hadde fått bygselsetel på same mællaget. Sjå meir om dette under Eit gamalt småbruk. I 1795 kom det til semje i tvisten, såleis at Torebruket og Karibruket fekk bruke kvar sin halvpart. Tore Olsen Velle var lagrettemann i 1789.

Sonen

*Ole Toresen Velle* (f. 1782, d. 1849) g. 1805 m. Eli Jesperine Amundsdtr. Aure frå Kapralgarden bnr. 9 (f. 1785, d. 1856),

Br. 1801—1840.

Bygselsetel på Torigarden frå prost Frimann i 1801, og i tillegg bygselsetel i 1806 på småbrukparten 1½ mrk. Skylda på bruket var i 1838 komen opp i 2 pd. 15<sup>1</sup>/<sub>52</sub> mrk., som vart revidert til 2 dlr. 1 ort og 11 skl. I Ole Toresen si brukstid var det jordskifte av innmarka på Velle (1831).

Sonen

*Lars Andreas Olsen Velle* (f. 1810, d. 1882) g. 1839 m. Severine Larsdtr. Strømme (f. Hjortdal 1807, d. 1889). Ho var enkje etter Knut *Andreas* Jakobsen Skottet som skreiv seg for Strømme i 1834 og var plassemann. Lars Andreas Olsen fekk bygselsetel frå P. H. Frimann i 1840, og sat som brukar til 1861. I 1848 løyste Lars Andreas ut garden for 360 spd. av sokneprest Jørgen M. Arentz som i 1846 hadde fått utlagt dette bruket i skiftet etter P. H. Frimann for taksten 220 spd. Lars Andreas var no sjølveigar, men han måtte ta opp eit lån på 270 spd. for å greie kjøpet. I 1845 la han av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett. Han og Severine hadde ikkje born etter seg, og i 1861 selde Lars Andreas garden til verbroren

*Peter Jetmandsen Lade* frå Jetmundgarden (f. 1828, d. 1893) g. 1857 m. Gjertrud Olsdtr. Velle (f. 1823, d. 1899).

Br. 1861—1895.

Born: Lars Karl Johan f. 1858, d. 1872. Jens f. 1861, g. på bruket.

Peter Jetmundsen fekk skøyte på garden for 350 spd. og kår. I 1872 miste Peter og Gjertrud son sin Lars ved ei skyteulykke. Ein dag seinhaustes det året var han saman med grannekona frå Rasmusbøen ute og leita etter ein bukk han hadde fått hjå foreldra sine. Då dei kom til Gråura, fekk Lars augo på eit bukkehorn som stakk opp mellom steinane. «Her ligg bukken min,» ropa han og sprang til og treiv i bukkehornet for å drage opp bukken. Men det var eit «gilder» (sjølvskot for bjørn) som var utlagt, og skotet gjekk av. Lars vart råka, og han døydde kort tid etter.

Peter Jetmundsen fødte i 1875 1 hest, 1 unghest, og 8 kyr, 3 ungdyr, 14 sauer og 6 geiter. Til dette kom kårdyra som Andreas åtte: 1 unghest, 2 kyr, 1 ungdyr, 9 sauer og 2 geiter. Sånaden var ½ t. bygg, 3 t. bl.korn, 4 t. havre, 4 t. poteter og 5 ar med rotfrukt.

Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda, 1 dlr. 4 ort og 20 skl. revidert til 3,78 skyldmark.

Son til Peter Jetmundsen

*Jens Petersen Velle* (f. 1861, d. 1937) g. 1884 m. Oline Olsdtr. Fauske (f. Svindset 1860, d. 1952). Ho var enkje etter Lars Karl Jenssen Fauske i Larsgarden bnr. 3 på Indre Fauske.

Br. 1895—1921.

Born: Lovise f. 1885 g. 1912 m. Thore Stavseng, bygningsmann, frå Liabygda. Busett Amdam. Ole Petter f. 1890. Utvs. nr. 994. Gift på bruket. Gerhard f. 1893. Utvs. nr. 991. Berthe f. 1895. Sjå Velle bnr. 20. Grogjerdet. Jens (f. 1897, d. 1947) g. 1938 m. Solveig Pedersen frå Oslo. Han var distriktssjef i forsikringsselskapet Sparetrygden, Tønsberg. Laura f. 1900, serveringsdame, g. 1936 m. Rolf Olafsen, elektrikar, frå Oslo. Busett Oslo. Anne f. 1900, g. 1923 m. Trygve Lund frå Drammen. Kelner. Busett Oslo. Martin (f. 1903, d. 1961) Møbelprodusent. Sjå Velle bnr. 21, Flatebø.

Jens Petersen Velle fekk skøyte på Torebruket frå mor si, Gjertrud Olsdtr., i 1895 for 1.400 kroner, men truleg hadde han alt då drive garden nokre år. I åra kring 1908 planta han ein heil del gran og fure i utmarka, m.a. i Tegane. På Vellesetra bygde han nytt sel. I 27 år bar han posten frå postopneriet i Karigarden på Velle til Drotninghaug, den første tida to gonger for veka, seinare tre. Han var også mykje nytta som domsmann i Jord-



skiftesaker i bygda og distriktet elles. Medan sonen som tok over garden, var i USA frå 1923 til 1927, var det Jens som stod føre onnearbeidet på garden.

Sonen

*Ole Petter Jenssen Velle* (f. 1890, d. 1958) g. 1918 m. Bastianne Severinsdtr. Drabløs frå Ellinggarden (f. 1892, d. 1966).

Br. 1921—1952.

Born: Jens f. 1921, g. på bruket. Olga f. 1922, kontordame i Oslo. Severin f. 1928 d. 1937.

Ole Petter Velle var to gonger i USA. Utvs. nr. 994. Etter at han kom heim frå første turen, sette han i gang produksjon av sementinurstein som han leverte i distriktet. Sanden fann han i Sandbrauta ovafor der huset i Toregarden no står. Han sette også opp eit produksjonshus med lagerplass i Sandbrauta. Etter at han kom attende frå USA andre gongen, tok han opp att produksjonen av semuntmurstein og hadde 2—3 mann i arbeid. Dessutan dreiv han og kona garden der dei la ned eit stort arbeid. Skøyte på bruket i 1932. Kår. Ole Petter dyrka ein heil dei jord, m.a. den store myra ovafor postvegen. Han tok også opp ei mengd med veiter på dette stykket, og dessutan tok han opp kanalen under bakkane. Elles pløgde han opp vollen også på sørsida av postvegen, fylte og jamna gamle elvefar over bruket, og var med på forbyggingsarbeidet mot elva. Ca. 1930 bygde han nytt stovehus. Ole Petter var interessert i hesteal, og han fôra fram ung-øyker som han selde.

Sonen

*Jens Olsen Velle* f. 1921, g. 1948 m. Judit Berntsdtr. Flem frå Flemsøy f. 1920. Br. frå 1952.

Born: Bodhild f. 1948 g. 1969. Oddbjørn f. 1953.

Jens Velle gjekk landbruksskulen i unge år. Han fekk skøyte på bruket i 1952, bygde ny driftsbygning i 1959, og kjøpte traktor med moderne gardsreiskapar i 1961. Mykje av materialen til løa dreiv han fram frå plantefeltet i Tegane.

Han moderniserte stovehuset i 1967, og har lagt ned eit stort arbeid i Toregarden. Om somrane slår han også inn høy frå andre bruk. Buskapen i Toregarden var i 1969 10 mjølkekyr, 9 ungdyr, og dessutan kalvar og sauer. Ved sida av gardsarbeidet har Jens Velle også drive produksjon av sementmurstein, og han har hatt 2—3 mann i verksetnd med dette arbeidet. Han har vore medlem i skulestyret, og har i fleire år vore med i likningsnemnda.

## REITEN bnr. II.

Utskild frå Torebruket bnr. 10 i 1848 med skyld 21 skilling, revidert 1890 til 0,32 skyldmark. I skiftet etter Peder Harboe Frimann og kona vart denne plassen i 1846 overdregen til proprietær Knoph for 25 spd. Peder M. Knoph selde att plassen i 1851 til Martinus Gulliksen Velle for 50 spd. Første brukaren på Reiten, eller Storereiten som plassen også vart kalla, var

*Knut Bernt Larssen Dravaus* frå Toregarden (f. 1796, d. 1851) g. 1825 m. Berte Gurine Eriksdtr. Grebstad frå det gamle Erikbruket bnr. 12 (f. 1792, d. 1867).

Br. ca. 1825—1852.

Knut Bernt sat på bygsel, og han brukte stundom namnet Knut og stundom Bernt. Han og kona er nemnde som plassefolk på Velle alt i 1826. Dei miste det året den nyfødde guten sin, Bernt Martinus.

Enkja Berte Gurine Eriksdtr. gifte seg att 1852 med *Hans Olaus Ellingsen Hole* (f. 1823, d. 1872).

Br. 1852—ca. 1867.

Bruket var i 1864 på G mål åker og dyrka mark, og 2 mål naturleg england. Buskapen var 2 storfe og 2 sauer. Sånaden ½ t. bl.korn, 1 t. havre og 1 t. poteter. I folketeljinga frå 1865 står det at Hans Olaus har vore sinnsjuk frå sitt 39. år. Etter at han vart enkjemann flytte han visstnok til Drotninghaug, og døydde der.

Til Reiten kom

*Iver Pedersen Lilledoset* frå Lesja (f. 1835, d. 1924) g.m. Berte Jørgensdtr. Blakstad frå brn 3 Haugen (f. 1832, d. 1927).

Br. ca. 1807—ca. 1924.

Born: Berte Jørgensdtr. hadde dottera Johanne f. 1855 g.m. Peter Olaus Fet i Jogarden.

Berte og Iver sine born: Karoline f. ca. 1866 g.m. smed Peter Andreas Olsen Velle frå Heggebakkane. Ole f. 1877 g. 1. m. Nikoline Karlsdtr. Fet i Jogarden, g.2. m. Nikoline Pettersdtr. Fet frå Åragjerdet.

Iver Pedersen var son til koparslagar Peder Christensen Lilledoset og kona Kari Olsdtr. som i 1844 kom til Vestre på Ørskog og tok over ein plass der. Yngste sonen. Iver, var då 9 år gamal, og han vart same året send til Rasmusgarden på Tjønes som gjetar. Han vart konfirmert i Sykkylven i 1850. Seinare var han dreng

og slåttemann på ymse gardar i bygda. Vintrane dreiv han fiskje, og stasjonerte mykje på Jøsund i båtlaget til Jøsund-Hallvard. Til Reiten kom Iver ca. 1865, men bygselsetel frå eigaren Martinus Gulliksen Velle fekk han først i 1876. I 1875 fødde Iver 3 kyr, 1 ungdyr, 8 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var 1 t. bl.korn, 1 t. havre og 1 t. poteter. Martinus Gulliksen selde Reiten i 1881 i til versonen Andreas Bastiansen Velle i Karigarden. Han makeskifte seinare plassen med verbror sin, Fredrik Martinussen Fet, som i 1808 selde til

*Bernt Olsen Velle* (Sjå Heggebakken bnr. 5). Kjøpesummen var 1000 kroner utan hus. Då Iver Pedersen som bygsla plassen, døydde i 1924, tok Bernt O. Velle over drifta og drog avlinga til Heggebakken. Dei gamle Reitehusa vart rivne, og stova vart seld til Brunstad der ho gjer teneste som hønsehus. Bernt sette opp ny høyløe på plassen som han fulldyrka saman med sønene

*Henrik Berntsen Velle og Oskar Berntsen Velle*. Sjå Heggebakken bnr. 5. Dei to brørne og systera Lovise flytte frå Heggebakken i 1954 og sette opp nye hus i Reiten, både stovehus og driftsbygning. Dei hadde drive Reiten frå 1939 då Henrik Berntsen Velle fekk skøyte på plassen og eit utmarksrykke Breiskre bnr. 19 med skyld 0,02 mark.

#### VALJA-SMEDEN.

*Petter Andreas Olsen Velle* frå Heggebakken bnr. 5 (f. 1863, d. 1934) g.m. Karoline Iversdtr. Velle frå Reiten bnr. 11 (f. ca. 1860, d. 1956) hadde gått i smedlære på Grodås (Hornindalssanden) og sette seg opp eit hus på sørsida av riksvegen ved Djupedalsgrova. På nordsida av vegen bygde han smie i 1905. Smed P. A. O. Velle, eller Valja-smeden som han vart kalla, var kjend for å gjere godt og sterkt arbeid. Han var også flink til å lage tolleknivar, spaserstokkar av bjerk (krokastavar med pik) og ljåsorv. Om somrane var Karoline setredeie, og Petter slåttemann, og dei var bae elles mykje ute på dagarbeid. Dei hadde ein potetreit eg eit slåttestykke i Grogjerde hjå Ole K. Velle i Jogarden. Elles slo dei på ymse stader, m.a. i Timmarsøya, og dei fødde 2—3 sauer som dei hadde i kjellaren. Karoline flytte til Sykkylven kvileheim siste tida ho levde. Ho var då mest blind.

DJUPEDALEN (Djupedalsbakken) bnr. 12.

Utskild frå Toregarden bnr. 10 i 1861 saman med skyld 18 - skilling, revidert 1890 til 0,26 mark.

Første brukaren på plassen var

Lars *Peter Amundsen Haugset* frå Åmundgarden bnr. 3 (f. 1816, d. 1877) g. 1847 m. Berte Oline Olsdtr. Velle frå Toregarden (f. 1817, d. 1891).

Br. ca. 1848—1877.

Berte Oline hadde dottera Thomasine Bastiane f. 1842, g.m. Karl Larssen Brunstad i Jakobgarden.

Lars Petter og Berte Oline sine born: Andreas f. 1845 g. på bruket. Lars Peter f. 1853. Olave f. ca. 1853, syerske. Karl f. 1861 g.m. Petrine Larsdtr. Haugset frå bnr. 6. Sjå Klokkehaug bnr. 22.

Lars Petter sat som bygslemann på Djupedalsbakken som i 1864 var på 6 mål åker og dyrka mark, og 7 mål udyrka. I 1875 var buskapen 2 kyr, 8 sauer og 4 geiter. Sånaden  $\frac{1}{4}$  t. bl.korn,  $\frac{3}{4}$  t. bygg og  $1\frac{1}{2}$  poteter.

Etter tradisjonen var Lars Petter flink til å syngje, og han var føresongar i gravøla. Plassingane hadde serskilde gravferdslag i hans tid på Velle.

Lars Peter sat trangt i det økonomisk, og var «meget fattig» då han døydde.

Sonen tok over Djupedalen. Det var

*Andreas Larssen Velle* (f. 1845, d. 194?) g. 1. 1876 m. Nikoline Joakimsdtr. Andestad frå Pegarden bnr. 3 (f. 1853, d. 1895) g.2. m. Ingeborg Olsdtr. Hjellegjerde frå Ivaplassen (f. 1861, d. 1949).

Br. 1877—ca. 1935.

Born: Lovise f. 1878. Utvs. nr. 983. Johan f. 1882. Utvs. nr. 984. Anne f. 1885. Utvs. nr. 981. Johanne f. 1890. Utvs. nr. 982. Anton f. 1895, tok over bruket.

Andreas Larssen var dreng m. a. i Styrkågarden på Vik i ungdomstida. Han fekk skøyte på Djupedalsplassen frå morbroren Lars Andreas Olsen Velle i Toregarden i 1877 for 600 kroner utan hus. Kår til Berte Olsdtr. Andreas var gråsteinsmurar og sette opp mange lø- og stovemurar i bygda og distriktet elles. Om vintrane dreiv han fiskja. Han var kjend for dugleiken sin til å drage torsk, og han var svært sterk. Han var også musikalsk, og spela klarinett. Eit av borna i USA ervde instrumentet. Første-

kona Nikoline døydde på barsel. Dette bar til på forsommaren, veret var fint, og gardbrukarane som hadde hest og kunne køyre etter doktor, var «forkava». Andreas fekk nei ljå alle han spurde første venda han var «heim i garden», fortel sonekona, Borghild Vik. «Men då han kom opp att på Djupedalen, hadde ho Nikoline blødd gjennom sengehalmen og det rann heilt ut til dørstokken. «Finst det då ingen av jordmennene som vil køyre etter doktoren?» spurde ho. Andreas snudde då i døra og sprang heim til han Kari-Andreas som køyrde avstad det fortaste han vann til Søvikdalen for å hente doktoren på Ørskog. Men før doktoren kom fram, var ho Nikoline død. Sister hennar i Styrkågarden på Vik tok den nyfødde guten med seg til Vik og fostra han opp. Sjå Vik bnr., 5 og 19. Seinare tok han over bruket. Det var

*Anton Andreassen Vik* (f. Velle 1895, d. 1962) g. 1949 m. Borghild Bernsdr. Blindheim frå Eriksgarden f. 1908.

Br. frå ca. 1935.

Han budde på Vik og skreiv seg for Vik. Sjå Styrkågarden bnr. 5 og 19. Avlinga frå Djupedalen køyrde han til Vik. Skifteskøyte til Anton Vik på Djupedalen i 1951 for 1.300 kroner. Frå 1968 har Borghild Vik selt ein heil del grus frå eit sandfelt i nord-vestre hyrna av plassen.

#### KARIGARDEN bnr. 13.

*Ole*, br. 15.—ca. 1625.

*Jakob Jakobsen*, br. ca. 1625—ca. 1650, sidan brukte han 1 mællag av garden til ca. 1670. Jakob var 82 år gamal i 1666.

Versonen

*Ole Pedersen*, br. 2 mællag ca. 1650—ca. 1670, sidan 3 mællag 5 mrk. til ca. 1690. Ole var 68 år gamal i 1666. Han var skuldig Anders Hanssen i Hanken for 1 tylft bord og 1½ våg fisk i 1653, og vart stemd for retten. Verfaren Jakob sa seg då villeg til å betale gjelden. Ole fødde 1 hest, 4 kyr, 2 geiter og 2 sauer i 1658.

*Ole Knutsen* (f. ca. 1670, d. 1742) g.l. m. Kari Olsdr. (f. ca. 1662, d. 1724) g.2. 1726 m. Berte Ellingsdr. Velle (f. ca. 1684, d. 1749).

Br. ca. 1690—ca. 1737.

Etter Kari Olsdr. har Karigarden fått namnet sitt. Sist på 1600-talet minka skylda på dette bruket frå 3 mællag 5 mrk. til 2 mællag 3 tø mrk. Ved same tid ser ein at ein Ole Olsen Velle har

fått eit bruk med skyld 1 mællag 1½ mrk. (Sjå Eit gamalt småbruk.)

Etter Ole Knutsen kom

*Peder Ellingsen Hjortdal* (f. ca. 1703, d. 1786) g. 1737 m. Synneve Olsdtr. Velle (f. ca. 1700, d. 1768).

Br. ca. 1737—1776.

Han skatta av 2 mællag 3½ mrk. I 1762 var han lagrettemann. Skiftebuet etter Synnøve Olsdtr. i 1768 hadde 94 rdl. i brutto eige. Gjelden var 18 rdl. Dei hadde ikkje born, og bruket gjekk over til Peder sin brorson

*Elling Olsen Hjortdal* (f. 1750, d. før 1781) g. 1773 m. Berte Knutsdtr. Velle frå Jogarden (f. 1739, d. 1815)

Br. 1776—1781.

Bygselbrev frå Jørgen Abelset i 1776 på 1 pd. 15 ½ mrk.

Enkja Berte Knutsdtr. gifte seg att 1782 med

*Ole Larssen Riksheim* (f. 1755, d. 1813).

Br. 1781—1810.

Bygselsetel i 1781 frå Jørgen Abelset på 1 pd. 15½ mrk. I slutten av 1700-åra vart bygselen ledig på eit gamalt småbruk på Velle. Sjå dette. Etter ei rettsleg avgjerd i 1795 fekk Ole Larssen bygsle halvparten av dette småbruket mot kårplikt til enkja på bruket, Anne Pedersdtr. Velle. I 1807 stemnde ho Ole Larssen fordi han ikkje skaffa henne turvande brennefang, og retten dømde han til å oppfylle kårkontrakta, og la dessutan på han 2 mark i mulkt til fattigkassa. Ole Larssen var lagrettemann i 1800, og som kunnig i tømmerarbeid var han det året med og takserte det nye lensmannshuset på Blindheim.

Sonen

*Amund Olsen Velle* (f. 1785, d. 1864) g.i. 1811 m. enkje Marte Gurine Pedersdtr. Straumsheim i Andersgarden (f. 1780, d. 1812) g.2. 1815 m. Anne *Petrine* Amundsdr. Velle frå Jogarden (f. 1792, d. 1858) Amund hadde først Andersgarden på Straumsheim eit par år frå ca. 1810, men flytte attende til Karigarden då førstekona hans døydde. Han hadde løyst ut Karigarden, 1 pd. 12 mrk., i 1810 for 190 rdl. I tillegg fekk han i 1824 bygsle småbruks-parten på ½ mællag som føremannen hans hadde fått rett på i 1795. Han sette opp nytt stovehus med lem over heile huset (lån), og dette huset var i bruk til 1928. Amund var skulehaldar. Etter tradisjonen var han kunnskapsrik og hadde lese mykje. Serleg var han interessert i naturkunne. Han var mellom lærarane i

bygda som i 1807 skreiv «Annal for skoleholdere». Då Eilert Sundt ein gong gjesta Sykkylven, budde han hjå Kari-Åmund. I 1829 la han av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett. Karibruket hadde i 1838 ei samla skyld på 2 pd.  $\frac{3^2}{52}$  mrk. som då vart revidert til 1 skylddr. 4 ort og 20 skl. I Amund si brukstid var første jordskiftet på Velle (1831).

Versonen til Amund tok over bruket etter han. Det var

*Bastian Martinussen Aurdal* frå Nilsgarden (f. 1817, d. 1906) g. 1840 m. Lydianne Amundsdr. Velle (f. 1820, d. 1908).

Br. 1842—ca. 1860, sidan halve bruket nokre år.

Først tok han i 1839 over Nilsgarden på Aurdal, men selde dette bruket i 1842 til bror sin Andreas for 340 spd., og flytte til Karigarden på Velle som kona hans ervde. I tillegg fekk han i 1842 bygsle småbruksparten på  $\frac{1}{2}$  mællag av P. H. Frimann. Bastian var «trondheimsfarar» og handla med bondevarer. Han vart velstående og åtte mange gardar. I fylgje tradisjonen ergra det han likevel mykje at han ikkje åtte heile garden som han sjølv brukte. Gong etter gong freista han å få kjøpe denne bygsel-parten på  $\frac{1}{2}$  mællag, men til fånyttes. Prokurator Sanne i Ålesund som styrde med dette Frimannsgodset, vart til slutt lei av tytinga, og då Bastian ein dag i 1856 på nytt kom opp til Sanne for å be om kjøp, var han knapt komen inn for døra før Sanne buste ut: «Kan du, Bastian Martinussen Velle, betale meg 120 spd. der du står for dette halve mællaget, skal du få det.» Det var då Bastian, utan å flytte fot, tok opp pengeboka, kasta henne over bordet til Sanne og sa roleg: «Ta deg betalt, banje du!» Sanne vart flygande sint og prøvde å vri seg frå tilbodet sitt, men Bastian skaut kontoristane til vitne og prokuratoren måtte ut med skøyta.

Son til Bastian

*Andreas Bastiansen Velle* (f. 1846, d. 1938) g. ca. 1865 m. Guri Martinusdr. Velle frå Jakobgarden (f. 1848, d. 1928).

Br. først halve garden nokre år frå 1865, sidan heile til ca. 1910.

Born: Bastian f. 1866, d. 1872. Anne f. 1869 g.m. Bastian Nilsson Weiberg Aurdal. Dei tok over bruket. Bastianne f. 1877 g.m. Nils Nilssen Weiberg Aurdal. Sjå Askjellgarden bnr. 7 på Velle.

Andreas ervde bruket etter far sin, og dei dreiv garden saman første åra. I 1875 åtte Andreas 1 hest, 3 kyr, 2 ungdyr, 10 sauer, 2 geiter og 1 gris. Far hans hadde då 1 unghest, 4 kyr, 2 ungdyr, 10 sauer og 2 geiter. Sånaden på bruket var  $\frac{1}{4}$  t. bygg, 4 t. bl.-korn, 5 t. havre, 1 t. havre til grønfor, 4 t. poteter og 6 ar med

rotfrukt Den gamle skylda på bruket, 1 dlr. 4 ort og 20 skl., vart i 1890 revidert til 4,10 skyldmark. Andreas la ned eit stort arbeid på Karibruket. I samarbeid med versionen som seinare tok over bruket, planta Andreas også ein del skog i feltet under Fossen. Kring 1900-årsskiftet hadde han ei gild følmerr, «Mira», som fekk 1. premi.

Andreas var medhjelpar i kyrkja i mange år.

Versionen

*Bastian Nilssen Weiberg-Aurdal* frå Tormodgarden, Aurdal bnr. 3 (f. 1858, d. 1934) g. 1890 m. Anne Andreasdr. Velle (f. 1869, d. 1963).

Br. ca. 1910—1934.

Born: Bastian Martinus f. 1891, lækjar, tok over bruket. Inger (f. 1896, d. 1937) g.m. lærar Johan J. Brunstad. Sjø Brunstad, Gunnagarden, bnr. 3. Gustav Adolf (f. 1898, d. 1964) distriktslækjar på Dokka, g.m. Solveig Lehne frå Lyngdal.

Etter examen artium studerte han teologi, og søkte seg så over i skuleverket, først som lærar, seinare som fylkes skulestyrar på Stord og i Manger. Sommarhalvåret var han gardbrukar på Velle. Han gjekk inn for drenering og odling av jorda og la ned eit stort arbeid med jorddyrking. Han planta epletre og bærbusker. Frukttre poda han sjølv. Elles var han foregangsmann for skogreisinga. Han var ein av dei første i bygda som planta større felt på bruket sitt. I 1927 fekk han diplom og premi frå Møre og Romsdal Skogselskap for arbeidet med skogreisinga. Han arbeidde også for å få betre postteneste for Velledalen, og vart sjølv første postopnaren ved Velledalen postopneri.

Saman med sonen Bastian bygde han nytt stovehus i Karigarden i 1929.

Bastian Weiberg-Aurdal vart mykje nytta som foredragshaldar i bygda og distriktet. I 1932 fekk han Kongens fortenestemedalje i gull

Sonen

*Bastian Martinus Bastiansen Weiberg-Aurdal* (f. 1891, d. 1974) g. 1921 m. Elise Pedersdr. Ringdal (f. i Røldal 1892, d. 1959).

Br. 1934—1953.

Born: Bastian Andreas f. 1922, lækjar, g.m. Reidun Eriksen frå Ålesund. Arnold Peder f. 1925 g. på bruket.

Bastian Weiberg-Aurdal tok medisinsk embetseksamen i 1920 og slo seg ned som lækjar i Ålesund der han kjøpte seg hus. Kona



hans var utdanna sjukesyster. Han fekk stor søknad både frå byen og distriktet rundt. Men han var også interessert i gardsdrift, og han reiste til ættegarden på Velle så ofte som han hadde høve til det. Etter at han i 1929 hadde hjelpt foreldra med å bygge nytt stovehus, tok han etter kvart over gardsdrifta, og sette inn leigd hjelp. Han bygde ny, stor løe i 1935 og nytt stabbur i 1937. I desse åra sette han inn ein stor arbeidsstyrke til å bryte jord. M. a, dyrka han i desse åra opp heile Bakkane aust om husa, dessutan Tegane, Bjønnagjerdet, Storavgjerdet, Brauta og snudde om gamle atteleger på heimebøen. Han kjøpte også gard på Nysætra (bnr. 1) og også her sette han inn med jordbryting og dyrking. Elles var han i 1920-åra med og kjøpte inn sylvrev, seinare både blårev og mink, og var styreformann i Velledalen Pelsdyrfarm.

Saman med farbroren og syskenborna på bnr. 7 kjøpte Bastian Weiberg-Aurdal i 1935 dei første dyra av Sør- og Vestlandsfeet frå Lyngdal, eit tiltak som etter kvart vart grunnlaget for ei rik utvikling innan storfealet. Han har også ale opp fleire premimerrar og premihestar. Elles var han føregangs mann for mekanisering av gardsdrifta. Den første jordbrukstraktoren i bygda kom til Karigarden i 1936, dessutan tidhøvelege plogar og horver, lastebilar, mjølkemaskin i 1937 etc. På samferdselsektoren sette han merke etter seg då han i 1931 kjøpte den nye bilferja «Raana» og sette henne inn i rute Magerholm—Ørsnes—Aure. Trafikken med dette ferjesambandet auka raskt. Møre og Romsdal Fylkesbåtar tok over «Raana» og ferjeruta i 1937.

Bastian Weiberg-Aurdal fekk Kongens fortjenestemedalje i gull i 1953.

Sonen

*Arnold Bastiansen Weiberg-Aurdal* f. 1925 g. 1951 m. Edny Eliasdtr. Vinje frå Aure bnr. 29, f. 1926.

Br. frå 1953.

Born: Elise f. 1952. Anne Guri f. 1955. Bastian Elias f. 1959.

Arnold Weiberg-Aurdal gjekk landbruksskulen etter studenteksamen på reallina i 1944. Han gjekk seinare Befalsskolen for Infanteriet før han byrja ved Landbrukshøgskulen på Ås der han tok eksamen i 1953. Han vart heradsagronom på Stranda i 1954 og i 1962 heradsagronom i Sykkylven. Ved sida av stillinga som heradsagronom har han drive Karigarden frå 1953. Skøyte frå 1963. Første tida dreiv han serleg med mjølkeproduksjon, men han hadde også ein del gris i fjøset. Seinare har han gått meir og-

meir over til fôringsoksar og kjøtproduksjon. Han vølte og moderniserte stovehuset i 1967, kjøpte ny traktor og forhaustar etc. I fleire år var han domar ved storfeutstillingane i fylket. Medlem i Sykkylven kommunestyre frå 1956, ordførar frå 1964 til 1969 då han vart vald inn på Stortinget som representant for Senterpartiet.

Sjå også bnr. 14 på Velle.

FREMMEKBØ bnr. 14 (Petterbøen).

Plass under Knutbruket bnr. 4 som ein part av Nilsbruket, utskild 1889 med skyld 0,96 mark. Som før nemnt var det bygslarane på Knutbruket som åtte Nilsbruket frå 1791 til 1880. Då løyste Fredrik Martinussen Fet ut plassen Fremmerbø. Siste bygslaren i Nilsgarden

*Nils Ingebrigtsen* gjekk over på kår i 1822. Etter han tok son til eigaren, *Jørgen Ingebrigtsen* i Knutgarden, over ein del av bruket. Det var

*Peter Olaus Jørgensen Velle* (f. 1797, d. 1870) g. 1829 m. Ane *Marie Knutsdtr. Hjortdal* (f. 1806, d. 1881). Etter han fekk plassen namnet Petterbøen, og *Peter Olaus* sat som bygslar av plassen og gjorde pliktarbeid som bygsleavgift til Knutfolket til 1870. Plassen var ein del av «Fremstegardsåkrane» på Velle og husa stod eit lite stykke nordvest for der Rasmushusa er no (Bnr. 8).

Versonen

*Johan Olsen Engeset* frå Olagarden, Stranda (f. 1840, d. 1927) g. 1871 m. *Karen Petersdtr. Velle* (f. 1847).

Br. 1870—ca. 1925.

Born: *Ole* f. 1873 g.l. 1895 med enkje *Dorteia Johannesdtr. Lied* f. Seljebotten, g.2. 1913 m. *Nanna Ebbesdtr. Furset*. Han var gbr. på Lied i Liabygda. *Berte* f. 1888 g. m. lærar *Ole Alnes*,

*Johan Olsen*, eller Bø-Johan som han vart kalla, fekk husmannssetel i 1870 frå *Jakob Ingebrigtsen* i Knutgarden. Kår til enkja *Marte Knutsdtr. Johan* fødte i 1875 3 kyr, 1 ungdyr, 5 sauer, 2 geiter og 1 gris, og dessutan 1 ku og 1 sau for *Marte Knutsdtr. Sånaden* var 1 t. bl.korn, 1 t. havre og 1 t. poteter. Ved sida av arbeidet med plassen dreiv *Johan* dagarbeid. Plassen skifte eigar i hans tid. *Fredrik Martinussen Fet* kjøpte plassen i 1880 for 1400 kroner av *Ole Berntsen Velle*. Seinare makeskifte *Fredrik* denne plassen med verbror sin *Andreas M. B. Velle* i Karigarden.

Under jordskiftet på innmarka på Velle i 1911 vart plassen flytt til byttet mellom Askjellbruket, bnr. 7 og Karibruket, bnr. 13 og plassen vart delt i to med ein halvpart på kvart av dei to bruka: Fremmerbø bnr. 14 med skyld 0,48 mark til Karibruket, og Nybø bnr. 18 med skyld 0,48 mark til Askjellbruket.

Karen og Johan hadde det vanskeleg økonomisk og Johan vart mest blind. Dei siste leveåra budde dei hjå sonen Ole i Liabygda, og der døydde dei.

**KRÅKEDALEN** bnr. 15 (Myrane).

Utskild frå Knutbruket bnr. 4 i 1889 med skyld 2 ort 18 skl. rev. til 0,96 mark.

Første brukaren var

*Jens Jakobsen Velle* frå Knutgarden (f. 1864, d. 1947) g. 1885 m. *Olave Olsdtr. Dravlaus* frå Bøtelgarden (f. 1865, d. 1939).

Br. ca. 1885—1947.

Born: Karen Olivia f. 1885 g.m. Bendik Alnes, fiskeskipper på Alnes. Ole Bastian f. 1888. Utvs. nr. 993. Jakob f. 1890. Utvs. nr. 992. Edvard f. 1893. Utvs. nr. 990. Bjarne f. 1902. Utvs. nr. 989.

Jens Jakobsen sat som bygslemann under Fredrik Martinussen Fet til ervingane selde plassen i 1930 til Jens for 3000 kroner. Alt ca. 1885 bygde Jens stove og løe på bruket som han dyrka godt opp. Han fødde 3 mjølkekyr og 5—6 sauer. Myre-kyrne var store og velfødde, og gode mjølkarar. Ved sida av gardsarbeidet dreiv Jens fiske, og han var kjend som ein hardhaus på sjøen og ein dugande torskedragar. Han var også kringføtt og flink til å gå i fjellet. Såleis var han ofte på jakt, og han henta også tidt ned sauer som hadde gått seg i skorfeste.

Dotterdottera og mannen hennar tok over Kråkedalen. Det var

*Lars Petter Larssen Alnes* f. 1920 g. 1947 m. Kari Bendiksdtr. Alnes f. 1919.

Br. frå 1947.

Born: Bjarne f. 1948. Leif f. 1955. Jan Ove f. 1957.

Kari Bendiksdtr. og syster hennar, Olivia, hadde i mange år stelt for bestefar sin. Lars og Kari Alnes løyste ut Kråkedalen i 1949 for 3000 kroner. I 1968 bygde dei nytt stovehus. Dei fôrar no eit par mjølkekyr og eit par ungdyr. Ved sida av arbeidet med bruket driv Lars fiske.

NYBØ bnr. 18

vart utskild frå Fremmerbø bnr. 14 i 1911 med skyld 0,48 mark som var halvparten av skylda til bnr. 14. Plassen høyrer no til Askjellbruket, bnr. 7.

GROGJERDET bnr. 20.

Utskild frå Torebruket bnr. 10 i 1932 med skyld 0,37 mark. Det var kårstykket til

*Jens Petersen Velle*, i Toregarden (sjå bnr. 10) og stykket ligg i Vellegjerde på vestsida av Storelva. Jens dyrka opp storparten av stykket.

Etter han tok dottera over. Det var

*Berte Jensdtr. Welle* f. 1895.

Br. frå ca. 1937.

Då ho tok over, var det ei skogaløe på stykket. Berte bygde om løa og utvida henne, innreidde fjøs, og i 1937 kjøpte ho ei gamal stove av Emilie Våge på Erstadbakkane og sette stova opp att i Grogjerdet. Berte fødte 2 kyr og 2—3 sauer på stykket,

Berte var i mange år syerske på konfeksjonsfabrikken Fønix på Aure. I 1940-åra sette ho opp eit fabrikkbygg saman med broren Martin, og dei byrja med møbelfabrikk. Sjå Velle bnr. 21.

FLATEBØ bnr. 21.

Tomt utskild frå utmarka til bruk nr. 1, 2, 9 og 10 i 1946 med skyld 0,01 mark. Berte Jensdtr. Welle (sjå bnr. 10 og 20) saman med broren Martin Jenssen Welle (f. 1903, d. 1961) kjøpte tomta, og sette opp fabrikkbygg i 1946, påbygt i 1950. Martin Welle dreiv møbelfabrikk her nokre år (Martin Welles Møbelfabrikk). Etter at Martin døydde, har huset vorte bortleigt som lager.

DALTUN bnr. 22.

Utskilt frå Knutbruket bnr. 4 og Kråkedalen bnr. 15 i 1953 med skyld 0,01 mark. Det var eit utmarkstykke på Dalemyra.

*Sverre Rasmussen Velle* frå Knutgarden bnr. 4, f. 1911 g. 1939 m. Ragna Åsheim f. i Rødøy.

Born: Rolf f. 1940, sjømann. Magne f. 1945, sjømann, Sverre Velle er møbelsnikkar. Han bygde hus i 1954.

TREGARDANE bnr. 24.

Velledalen Idrettslag kjøpte i 1950-åra eit stykke av utmarka på Dalemyra av Sigvart R. Velle i Knutgarden bnr. 4 og Lars Alnes på bnr. 15. Her laga idrettslaget til fotballplass med grusbane, og sette opp murar til bad. I 1961 makeskifte idrettslaget denne plassen med eit jordstykke som grensa til idrettsplassen på nordsida, og som Sykkylven kommune hadde tinga til tomt og leikeplass for den nye barneskulen i Velledalen.

Idrettsplassen vart såleis leikeplass for borna ved den nye skulen som vart bygd i 1963 på haugen sør for bana.

DALEMYRA bnr. 25 og 26.

Velledalen Idrettslag fekk i 1901 att dette jordstykket i staden for idrettsplassen på bnr. 24. Her har idrettslaget no gjort det meste av arbeidet med å bygge ein ny idrettsplass med grasdekk.

## Hjortdal, gnr. 27. [\(Til innhald\)](#)

Gardsnamnet har vore skrive Hiortaffuel i 1603, Hiorttall i 1606, Hiortdall i 1017, Hioriaull i 1666, Hiortavl, Hiortaul i 1723, Hiorthul i 1791 og Hiorthol i 1802. Fram gjennom 1800- og 1900-åra vart den vanlege skriveforma Hjorthol. I dagleg tale vert garden kalla Hjortdal. Som familienamn nyttår dei fleste Hjorthol med unnatak av Pe-folket frå bnr. 1. Storparten av dei har teke Hjortdal som familienamn.

Garden ligg på nordsida av Velledalselva der dalen bøyer av i nordaustleg retning. Mot vest grensar Hjortdal til Velle si utmark i Tregardane, med Tregardshaugen nedst og Tregardsgjerdet og Nausene lenger oppe. I sør grensar garden mot Brunstad si innmark. Bytelina fylgjer stort sett elva. I aust støyter Hjortdal mot Brudevoll si bømark, og i nord til utmarka med fjellet Storhella ovafor husa. Sjølv om dalbotnen knip seg saman ned mot Tregardane og bytet mot Velle, så ligg det gamle Hjortdalstunet med bømarka ope og fritt med fint utsyn sørvestover til Regndalstindane og Råna i bakgrunnen, sørover til grannegarden Brunstad med Brunstaddalen og Vellesesterdalen inn gjennom fjellheimen, og austover mot gardane opp gjennom Velledalen. H. Kaldhol fortel i «Sykkylven i eldre tid I» side 34, om ein stor brearm frå Regndalen som i Ratida for mange tusen år sidan trengde seg fram tvert over Velledalen og la opp ein veldig voll av jord og stein på austsida. (Tregardane). Denne isen og jordhaugane demde opp elva og laga eit vatn der Brunstad, Hjortdal og kanskje nedre delen av Brudevoll no ligg. Elva frå denne innsjøen gjekk på nordsida av dalen om lag der den nye riksvegen som vart opna i 1973, bryt seg gjennom mellom Tregardshaugen og Tregardsgjerdet i bytet mellom Velle og Hjortdal. Seinare har så elva bana seg veg gjennom morenen midt i dalbotnen, og bøane på Brunstad og Hjortdal har vorte tørre.

Bergsida under fjellet Storhella har ned gjennom tida vore

utrygg for snøfonner. Fonnene har ikkje alltid fylgt same faret. Somme gonger har fonna skore austover mot bytet til Brudevoll, andre gonger har ho teke ei meir vestleg retning og nått bømarka vest for Kjellshaugen i bytet mellom Pebruket og Larsbruket. Etter at det vart slutt med geithaldet på garden, har det i dei siste 50 60 åra vakse til mykje skog i bergsida. Folk flest trudde at fonna knapt ville nå langt ned i lia gjennom dette bjerkeskogen. Men snøvinteren 1968, om morgonen den 19. februar stakk digre snøskavlar laust i flærne heilt opp mot toppen av Storhella. Det auka til ei stor fonn som tok bein veg ned bergsida, la ned skogen, gjekk over riksvegen, reiv med seg det 3 år gamle huset til Bjørn Melchiorson (bnr. 27) og heldt fram nedover mot elva. Familien Melchiorson låg og sov då fonna kom. Muset vart smadra. Den 10 år gamle Bengt Melchiorson miste livet, men bror hans og foreldra kom frå det utan større skader.

Hjortdal er ein gamal gard. Mange gravhaugar og funn i jorda vitnar om busetting i vikingtida, og kanskje før. «Sykkylven i eldre tid I», side 66. Kring 1600 dukka det opp nokre gamle ættelister frå Sunnmøre. Dei var truleg skrivne i siste halvparten av 1200-åra. Vi får her lese om korleis fleire av dei store ættene på Sunnmøre og i landet elles har vorte gifte inn i dei kjende og mektige Sunnmørsslektene Giskeætta og Mørejarlsætta. Av ættlegga går det fram at fleire av desse slektene hadde tilknytning til Sykkylven og andre fjordbygder, og at ættehovdingane for kortare eller lengre tid slo seg ned på gardane dei åtte i Sykkylven og levde her. Ei av desse ættene har fått namnet Hjortdalsætta etter garden Hjortdal som dei åtte og brukte. Denne ætta reknar ættelista opp attende til heiden tid. Eldste personen som er nemnd i Hjortdals-ætta heiter «Grimer», og om han står det at han «— ligger i høigen paa Hiortdal po Sundmøre». Mannen heiter altså Grim, og han ligg hauglagd på Hjortdal. Etter di han er hauglagd, må han ha levt før kristeridomen vart innført. Truleg har han levt kring år 950, med andre ord på Håkon den gode og Eriksønene si tid. Kanskje har Grim vore ein av dei som kjempa med Håkon og Erik jarl i slaget mot Jomsvikingane i Hjørungavåg eller der omkring i 986?

Grim hadde ein son som heitte Kjetil. Det står ikkje meir om desse to i ættelistene. Men det kan vere av interesse å nemne at på nordsida av riksvegen ligg det ein stor jordhaug som dei gamle på Hjortdal og i grenda elles kalla Kjellshaugen. Stovehuset på

Larsgarden står no på denne haugen som etter alt å dømme er ein morene. Då Larsfolket først på 1900-talet grov ut tomte til huset, vart det gjort ymse funn i jorda som synte at det hadde vore ein gravhaug på denne morenen. Mellom anna fann dei eit spjut og restar av ein båt. Det tyder på at ein mektig mann er blitt hauglagd her, og denne mannen har også hatt si ferd på havet sidan han fekk båten med seg i haugen. Om dette er gravhaugen etter Kjetil, son til Grim, og ber namnet Kjellshaugen etter han, er vel uvisst. Men det er mogleg. I alle høve må ein gå ut frå at dei jordiske leivningane etter Grim og Kjetil og då truleg etter forfedrene deira, kviler i gravflokken på denne garden.

Det knyter seg også ei gamal segn til Kjellshaugen, og denne segna er også på ein måte eit vitnemål om at det er ein gravhaug. Det hende i mørke haustnetter at folk lenger oppe i dalen såg ein eldsloge over markene på Hjortdal. Ein mann på Hole stilte ei natt opp ei borse som han sikta inn mot logen. Då dagen rann og det vart lyst kunne folk slå fast at borsepipa peika beint mot Kjellshaugen. Dette er ein typisk variant av liknande segner som knyter seg til gamle gravhaugar på Sunnmøre og andre stader i landet.

Son til Kjetil heitte Toralder, og denne Toralder «tok vid Kristni», fortel dei gamle sunnmørsættelistene. Opplysninga om at det var Toralder som tok ved kristendomen i Sykkylven, er interessant på meir enn ein måte. For det første må ein vel seie at dette er ei av dei aller viktigaste hendingane, — kanskje den viktigaste i Sykkylven si soge. Innføringa av kristendomen førde til mange og store brigde i dagleg sed og skikk, i familieliv, i rettsstell og i administrasjon av bygda, — for ikkje å tale om dei gjennomgripande endringane vi etter kvart fekk på det religiøse området. For det andre har vi gjennom opplysninga om at det var Toralder som tok ved kristendomen, noko så nær tidfest kva tid Toralder levde, og for det tredje kan vi gjennom denne opplysninga slutte oss til mange ting om den gamle ætta på Hjortdal og den rolla ho har spela i Sykkylven si soge truleg gjennom fleire hundre år.

Det var i 995 at kong Olav Trygvason samla til Firefylkesting på Dragseidet på Stad og fekk kristendomen på ei vis godkjend som offisiell religion på Møre og i Fjordane. Mykje truleg er det ved denne tida eller kanskje på dette tinget Toralder frå Hjortdal med hand og munn har lova å ta ved den nye læra.

Det er lite truleg at det er som privatmann Toralder har teke



ved kristendomen. Naturleg nok var det serleg dei mektige stormennene og hovdingane som kongane sette inn på å vinne for den nye trua, vel vitande at det breie laget av folket hadde lite anna val enn å fylgje hovdingane sine. Det skulle då vere rimeleg å tru at når Toralder frå Hjortdal «tok vid kristni», så er det som bygdehovding for Sykkylven han gjorde det. Bygdehovdingen i den tida vart kalla herse. Hersane hadde i si tid gått ut frå dei rikaste og eldste bondeættene, dei såkalla hauld-ættene, som hadde urgamal odel på gardane sine. Etter di herseombodet var strengt arveleg og herseættene høyrer til dei eldste bondeættene, må ein finne det sannsynleg at Toralder sin far, Kjetil, far hans att, Grim, og forfedrane deira i ættlekkar attover har vore bygdehovdingar i Sykkylven. Er dette rett, er det også alt som talar for at det gamle heradshovet i Sykkylven har stått på Hjortdal, på hersen sin gard i like mange generasjonar, og heilt fram til Toralder si tid og 995.

Kring hovet har då sykkylvingane fram til kring år 1000 samla seg til offerfestar, bore fram tilskota sine til solfest og blot, fått oppdrag av hersen og teke mot domar for ugjerningar, kytt av bragdene sine i herferd og kamp og tevla med sambygdingane i leik og idrott. Ofte finn ein i vårt land at det i nærleiken av hovet ligg ein høveleg leikvoll. Hovplassen har vore vald slik. Dette klaffar godt for Hjortdal, for til bytes ligg Brudevoll eller Brøvoll, som garden vert kalla i dagleg tale. Brudevoll har vore ein tenleg stad både for hestekampar, kappriding og kappspringing.

Hjortdal har elles vore ein velvald plass for hersen å bu på. Det har vore tryggare for strandhogg og overfall her oppe i dalen enn nede ved sjøkanten. Vegen til Hjortdal over Tregardane har vore etter måten lett å verje for få menn. Det var kort veg til varden på Vardreset i Regndalen som hadde fritt utsyn til varden på Skotshalsen, og derifra til Opshaugfjellet på Stranda og hersen i Oksvika. Skulle så gale skje at hersen måtte ty til ein naudutgang, hadde han fleire å velje mellom på Hjortdal. Han kunne ta fjellovergangen til Ramstaddal eller til Fausa, eller over Myrdalen og Hevsdalen til Stranda, eller over Hjortdalskoppen til Straumsdalen og Vikedalen.

Etterkomarane etter Toralder sat som eigarar og brukarar av Hjortdal i eit par generasjonar før garden gjennom giftarmål gjekk over til Karl på Straumsheim og etterkomarane hans. Sjå under Eigarar. Om det var av den gamle hjortdalsætta som sat att som

byggselmenn på Hjortdal i tida utover er uvisst. Det vert ikkje nemnt brukarar på garden i Tiendepenninglista frå 1520, og det er mogleg at Hjortdal har lege øyde ei tid etter Svartedauden. Ca. 1600 ser det ut til å vere 2 bruk på garden, men det vert 3 frå ca. 1609. I 1640-åra vert det 4 bruk, og slik heldt det seg til 1909 då Pe-bruket vart slege saman med Larsbruket, og det vart 3 hovudbruk på Hjortdal. Frå desse bruka har det vorte utskilt nokre småbruk, og i seinare år fleire hustufter.

Garden var småbytt fram til jordskiftet i 1838. I 1907 var det nytt skifte av innmarka, og bruka vart då utlagde slik dei ligg i dag. Som vanleg var det åkrane som hadde fått beste jorda på bøane. Storåkeren låg på flata vest for Jørnhusa, Hagereiten var ovafor Fehusa, Nedstekråa var vest for husa til bnr. 19. Elles var det fleire andre åkrar.

Det er ingen som veit noko visst om kva tid brukarane på Hjortdal slutta å bruke tust og skeidd til å truske med. Truleg har dei her som på dei fleste andre gardane i bygda fått truskemaskinar i siste halvparten av 1800-åra. Men tust og skeidd var på plass i løene til fram i 1900-åra. Denne reiskapen vart likevel lite nytta anna enn til å «banke utu» ein liten føresmak på avlinga i serlege høve. Sivert Nilsson Hjorthol i Jørngarden (br. 1805—1893) var elles spesialist på å lage truskemaskinar, så det er all grunn til å tru at garden vart sjølvhjelpst i så måte. Jørnfolket nytta kvernkall som drivhjul på kverna og snor til løa for å drage truskemaskinen. I seinare år arbeidde Karl Tandstad i Jakobgarden ein turbin under kverna. Larsfolket hadde truskehjul. Det stod i bekken som renn ned til Storeelva på austsida av vegen til Jørntunet. Det er mogleg at Pe-folket også hadde truskehjulet sitt her, eller nytta same hjulet. Først på 1900-talet var det nokre av brukarane som slutta å bruke vasskraft. Nakke-Karl på Brunstad hadde skaffa seg ein «piggmaskin» som dei drog med handemakt, og denne maskinen vart det mange som nytta. Så kom oljemotoren i bruk. Det var Peter Olsen Tandstad (Ytre) som for rundt med den. Då den elektriske krafta kom, kjøpte dei fleste part i elektrisk motor. Pe- og Plassefolket var først ute på Hjortdal. Dei kjøpte motor saman med brukarane på Lade.

Korkje i 1724 eller i 1797 var det meir enn ei kvern på Hjortdal. Det kan vere mogleg at det er restar etter denne kverna som syner att i Olmosøya, ei kvitl i elva nedafor husa i Hjortdals-gjerdet på Hjortdal bnr. 6. Etter tradisjonen kunne ein bruke

denne kverna sjølv om dei andre i grenda fraus faste. Kvernhusa på Hjortdal i nyare tid stod ved Kvernveita nedafor det noverande Jørntunet. Her var det 2 kvernar. Pål- og Pebruket var saman om den eine. Lars- og Jørnbruket hadde den andre. Då Larsfolket løyste ut Pålbruket og tok over som brukarar i 1909, gjekk Larsfolket over til å bruke Pål kverna. Jørnfolket vart då åleine om si kvern. Larsfolket og Pefolket heldt Pålkverna godt ved like, og ho gjorde god teneste både under krigen 1914—1918 og 1940—1945. Kverna vart nytta heilt fram til 1950-åra.

Hjortdal hadde lite utslåttar. I bakkane ovafor husa var Nygjerda. Frå bytet mot Velle og austover låg Gjerda. I lia på austsida av riksvegen til Myrdalen hadde brukarane på Hjortdal kvar sin teig. Denne slåtlemarka kalla dei fleste Hjortdalsbergane. Hjortdal hadde også utmarksløer her. Kvar brukar hadde også stølsstykke på setra. Dessutan slo dei i eldre tid på ymse stader i utmarka, m.a. i bergsida under Storhella. Nokre lægder nedafor Storenaushola ber framleis namnet Slætta. Plassefolket var dei siste som slo der, og det er framleis att folk på Hjortdal som hugsar det. Sameleis slo brukarar på Hjortdal i setremarka, m.a. i «Simåhamrane,» nokre skreder ovafor grushola før ein kjem til Svartevatnet.

Utmarka var i bergsida ovafor bøgarden. Her hadde Hjortdal både heimhamn for buskapen og skogteigar. Hamna var «nogenlunde» god på alle måtar, heiter det i matrikkelførearbeidet frå 1864. Skogen har vore delt ein gong i tida, slik at kvart hovudbruk hadde 4 skogteigar i denne bergsida. Garden har hatt nok skog til brennefang, og år om anna dreiv også brukarane fram noko famneved til sal. I matrikkelførearbeidet frå 1864 er det også nemnt at der var skogvyrke for bandstakar i desse teigane. Det var serleg hatl som vart brukt til det. I seinare år har det vorte planta ein del skog, men større omfang får dette arbeidet knapt før det vert halde skifte av utmarka.

Kan ein døme etter namnet, har Hjortdal også hatt ei vårseter i denne utmarka i gamle dagar. Staden ber framleis namnet Setrestølen, og ligg like aust for Hjellane i bergsida ovafor Pebruket. Rette setra hadde Hjortdal på Myrdalen saman med Hole og Brudevoll. Opphaldet på Myrdalen varde som regel i 12—13 veker etter som veret var. I 1889 vart det tvist om bytelina mot setremarkene på Stranda, men det enda med semje både om bytelina og oppsetjing av gjerde. Setremarka i Myrdalen med stølen kom under jordskifte i 1919 med over jordskifte i 1928. Saka gjekk

til lagmannsretten og enda med at Hole fekk utskilt si eiga setremark, medan Brudevoll og Hjortdal framleis fekk sams beitefelt.

Det gamle fellestunet på Hjortdal låg sør for den gamle bygdevegen som fram til 1920-åra gjekk eit godt stykke lenger oppe enn den nye riksvegen gjer no. Gamlestova i Jørngarden stod like vest for nyestova, med Pestova eit stykke lenger nord. Ovafor nordaustre hyrna av den nye Larsløa stod den gamle Larsstova, med Pålstova vestafor. Frå tunet gjekk det geil til utmarka. Etter jordskiftet i 1907 flytte Petunet nordvestover til nye tufter. Lars-folket trekte det nye huset sitt høgre opp i bakken. I Jørngarden hadde brukarane alt sett opp nye hus ved sida av gamlestova. Pålhuset vart rive då bruket vart lagt til Larsbruket. (Sjå Brunstad bnr. 21.)

Under arbeidet med omlegginga av vegen gjennom garden i 1924, måtte det fyllast ein djup dal eit stykke aust om tunet. Det var her lastebilen for første gang vart nytta i Sykkylven. Vegstellet leigde då Ole Eide i Skodje og lastebilen hans til å køyre fyllmasse til denne dalen. Ole Eide stasjonerte på Dravlaus hjå bror sin, vegoppsynsmann Karl Eide. Denne akkorden på Hjortdal vart såleis innleiinga til ein overgang frå trillebåre og handemakt i vegarbeidet til motorisert transport og maskinell drift.

Åkerbruk og feal har vore viktigaste næringsgrunnlaget også på Hjortdal. Garden er lettbrukt, men elva har gjort noko skade i flaumtider. Alt i matrikkelen frå 1724 vert det nemnt elvebrot på Hjortdal. I denne matrikkelen heiter det også at garden var viss til korn. I landbruksmeldinga frå 1802 står det at kornavlinga var «temmelig» årviss. I ei takstforretning på Hjortdal i 1822 står det at åkerlandet på garden var godt, og det var vel dyrka. Englandet omkring husa og i nærleiken var også godt, men resten av enga var magrare og steinet. Buskapane på bruket i den tida var som oftast 1 hest, 12 bufe og 25 småfe. Brukarane på garden har lagt ned mykje arbeid med jorddyrking både på sjølve heimebøen og i Gjerda vestover mot bytet til Velle. Her var både blautmyrar og steinrabbar med skog, og det hende ikkje sjeldan at brukarane først leste bort myr og mold, fyllte hola med røter og stein, og jamna molda over att, slik at alt vart plant og slett. Fram gjennom 1900-åra ol brukarane fram gilde buskapar. Dei fleste hadde også fylmerr. Som attåtnæring dreiv dei fleste fiskja eller sjøbudarbeid vintrane. Den eldre generasjonen sysla med å smie bandstakar som dei bunta og selde. Andre laga river. Jens

Peter Hjortdal i Pegarden var ein av dei siste som dreiv med dette. Fram gjennom 1900-åra vart det fleire og fleire som reiste til USA for kortare eller lengre tid for å prøve å tene noko ekstra der. Då industrireisinga i Sykkylven skaut fart i 1930-åra, søkte dei unge arbeid i fabrikkane. Under verdskrigen 1940—1945 byrja Olav Parr frå Sunnylvn med treskofabrikk i huset til Velledalen meieri som i 1936 hadde slutta drifta. Olav Parr selde denne eigedomen i 1946 til Velledalen Fabrikker A/S (brn. 12) som framleis har tilhald her. Mange av industriarbeidarane har kjøpt seg tomter på Hjortdal og bygt hus.

Frå 1890-åra og i tiåra som fylgde vart Hjortdal sentret for Velledalen. Det byrja med skipinga av Velledalen meieri i 1895. Huset vart bygt på Hjortdal ved Brunstadbrua og tok mot mjølka frå gardane både i Øvre og Nedre Velledalen. Oppsitjarane i Velledalen satsa mykje på meieriet sitt, men utviklinga på meieri-sektoren gjekk ut på å styrkje samyrket gjennom eit sentralmeieri som kunne ta opp tevlinga med dei mange private mjølkeopp-kjøparane i distriktet. Då A/S Sunnmøre Meieri vart skipa i Ålesund i 1918, var dei mange frå gardane Velle, Dravlaus og Fet som tok aksjar i dette meieriet og batt seg til å levere mjølka si dit. Dette førde til at leverandørflokken vart delt. Nedre Velledalen sende mjølka si til A/S Sunnmøre Meieri i Ålesund. Men oppsitjarane i Øvre Velledalen gjekk inn for å modernisere sitt eige meieri og satse på denne drifta. Dei sette opp nytt hus og heldt drifta gåande til 1936 då også oppsitjarane i Øvre Velledalen gjekk inn i A/S Sunnmøre Meieri.

Den frilynde ungdomsrørsla hadde vind i segla i Velledalen rundt hundreårsskiftet, og Velledalens Ungdomslag gjorde opptak til å bygge eige samlingshus. Iver Olsen Hjorthol i Larsgarden gav gåvebrev på tomt til ungdomslaget i 1909 for 150 kroner. Då var også veggrunn medrekna, men laget skulle betale 50 kroner i tillegg for vegen når han var ferdig. (Bnr. 8). Huset kom opp og vart flittig brukt i åra som fylgde. Det vart rive i 1972,

Velledalen hadde også sine misjonslag som arbeidde både for indre og ytre misjon. Medlemene her arbeidde også for å få sitt eige hus, og hausten 1926 var ein komen så langt at arbeidet med reisinga av huset kunne ta til. Petter O. Hjorthol på Plassen hadde gitt tomt (bnr. 11) ved riksvegen og vegskilet til Brunstad. Huset vart modernisert i 1950-åra og fekk samstundes eit til-

bygg. Velledalen bedehus har vore og er sentrum for det kristelige lagsarbeidet i dalen.

Hjortdal har også vore eldste handelsstaden i Velledalen. Det var Peter Olaus Sivertsen Hjorthol frå Jørngarden som byrja med bakeri og landhandel i 1890-åra (bnr. 6) Systerdottersonen Ola Flem (bnr. 14) har no forretninga,

#### MATRIKKELGARDEN.

Hjortdal skatta i eldre tid som halv gard. Først på 1600-talet var skylda 3 våger fiskeleite. Landkommisjonen i 1661 auka skylda til 4 våger, og slik vart ho ståande i tida utover. Prøvematrikkelen frå 1724 sette skylda ned til 3 våger 2 pd. 6 mrk., men denne skylda vart ikkje gjort gjeldande. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart skylda på Hjortdal 8 dlr. 2 ort 12 skl., revidert i 1890 til 13,23 mark.

Leidangen var først på 1600-talet 1 geitskinn og 2 kalvskinn. Det anka i 1666 til 2 geitskinn. I 1705 var leidangen 2 ort, og i 1717 ,5 mark 10 skl.

Tienda av Hjortdal var i 1666 3 ½ t. og 1 mæle. havre, 1 mæle bygg, og 1 pd. 18 mrk. ost, og i 1717 4 t. havre, 4 skp. bygg og 1 pd. 18 mrk. ost,

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

1626: Då er der 2 mann. Sånad 9 t. korn.

1666: 4 mann. Sår 12 t., avlar 40 t. Kan fø 34 naut og 3 hestar. Brennefang.

1717: 4 mann. Sår 9 t. havre, 8 skjeeper bygg, avlar 40 t. havre og 5 t. bygg. Fôrar 28 naut og 4 hestar. Brennefang.

1724: 4 mann. Sår 1½ t. bygg og 10 t. havre. Avlar 7½ t. bygg og 40 t. havre. Seter ½ mil frå garden. Lettvunnen og viss til korn. 1 kvern. Brennefang. Skade av elvebrot.

1797: 4 mann. 1 kvern.

1802: 4 mann. Brennefang til husbruk. Sommarbeite for buskapen i utmarka og seterdalen. «Temmelig» årviss kornavling,

1864: Garden har lite utslåttar, men har jord som er skikka til dyrking. Hamna for buskapen er «nogenlunde» god på alle måtar. Brennefang. Skogsvyrke til bandstakar. Frå garden er det lett å kome til vegen, men det er langt til sjøen. Garden er lettbrukt.

1875: 5 mann. Sånad: 12 t. bl.korn, 15 t. havre, 12½ t. poteter, og 12 ar med rotfrukt. Buskapen var 2 hestar, 3 unghestar, 2 oksar, 31 kyr, 12 ungdyr, 68 sauer, 24 geiter og 4 svin.

#### EIGARAR I ELDRE TID.

Som nemnt i innleiinga var det Grim og etterkomarane hans som i si tid åtte Hjortdal. Soneson til Grim, Toralder, tok ved kristendomen, fortel dei gamle Sunnmørsættlegga. Av denne opplysninga kan ein tidfeste at Toralder levde i den tida kristendomen vart innført på Sunnmøre, ca. 997. Dottera Turid Hallenkin fekk sonen Skald Berse. Han hadde ei dotter som heitte Tueid. Ho gifte seg med Karl på Straumsheim, og har truleg fått garden Hjortdal i heimafylgje. Son deira, Heden Karlson, åtte både Hjortdal, Straumsheim og «Haffuanes» til odel og eige. Heden hadde to Born, Grjotgard og Berdor. Kven som fekk Hjortdal, vert ikkje nemnt i Sunnmørsættlegga, men Berdor var gift, og hadde truleg born, så det er mykje mogleg at Hjortdal har gått over til han og etterkomarane hans.

#### SEINARE EIGARAR.

Som så mange andre gardar i Sykkylven kom Hjortdal i eiga til Rosentkrantzfamilien. Sjå meir om denne familien under Grebstad gnr. 7. Borgarmeisteren i Bergen, Rasmus Larsen Stud, løyste ut garden i første halvpart av 1600-åra. Sonen Otte Rasmussen Stud ervde så Hjortdal. Enkja hans, Catrine Ludvigsdr. f. Munthe, stod som eigar i 1660-åra. Bror til Otte, mag. Ludvig Stud, tok så over, og etter han systera Margrethe i Hanken, sist gift med borgundpresten Christopher Hierman. Han var svært rik på jordegods, men då han døydde ca. 1690, hadde han stor gjeld til kyrkjene for tiend, og det vart tekt utlegg i buet. Stiftsskrivaren Herman Garman stod som eigar av Hjortdal i åra som fylgde. I 1712 var det ervingane hans som stod som eigarar, og i 1717 stiftsskrivar Hans Hvid. Det er noko uklart om desse stifts-skrivarane åtte eller berre pakta Hjortdal. Det gjekk i alle høve slik at kong Fredrik IV. slo til seg kyrkjer og kyrkjegods som herrelaust gods, og då han i 1724 selde Sykkylven kyrkje og ca. 19 våger jordegods til major Rømer på Klokkehaug, var Hjortdal

med i denne handelen. Major Rømer selde seinare 1 mællag av Standal som frå gamalt hadde høyrte til Sykkylven kyrkje. For å fylle ut denne parten av kyrkjegodet, førde Rømer over 1 mællag av Hjortdal. På auksjon etter Rømer i 1744 kjøpte soknepresten i Ørskog, Hans Jakob Hiort, mesteparten av det Rømer åtte, såleis både kyrkjeparten på 1 mællag i Hjortdal, og hovudparten av garden. Det gjekk vidare i arv til versonen på Klokkehaug, kaptein Nils Mechlenborg, men i skiftet etter han i 1777 vart garden delt mellom fleire eigarar. Enkja Sebastian Mechlenborg fekk utlagt Pebruket bnr. 1 og Pålbruket bnr. 3 medrekna kyrkjepart-mællaget slik at Sykkylven kyrkje hadde rett til landskylda av 9 mrk. fiskeleige frå kvart av dei to bruka. Sebastian døydde i 1809, og dei to bruka vart selde på auksjon til Nils og Martinus Larssøner Aurdal som i 1810 selde til Iver Fredrik Hanssen Mechlenborg, kjøpmann i Vegsund. Han selde att på auksjon i 1832 til Halvor Pedersen Abelset for 1.500 spd.

Når det gjeld eigarane av dei to andre bruka på Hjortdal etter 1777, så gjekk Larsgarden bnr. 2 over til Ebbe Stավdal, og frå han til bygslaren Ole Iversen Hjortdal for 228 riksbankdalar etter auksjonsskøyte i 1811.

Jørngarden bnr. 4 kom i eiga til Nils Mechlenborg sin verson, Jakob Jonsen Eide på Klokkehaug. I skiftet etter han i 1814 ervde borna Jens Hansten Jakobsen Eide (sjå Indre Fauske bnr. 6) og Ingeborg Marie Jakobsdtr. Eide (sjå Klokkehaug bnr. 2). Ho selde halvparten sin i 1836 til broren Jens Hansten.

Sjå meir under Brukarar.

#### PEGARDEN bnr. 1.

*Johannes* bnr. 15, —ca. 1609. Siste året skatta han som husmann. Truleg har han då gått over på kår.

*Ole Olsen* br. ca. 1609—ca. 1660. Han la  $\frac{1}{2}$  mæle i tiend i 1613, det same som brukarane i Larsgarden og Pålgarden. Men frå ca. 1620 auka tienda i Pegarden til  $1\frac{1}{2}$  mæle. I denne bolken fram til ca. 1640 ser det ut til at Ole Olsen i Pegarden og Elling Jørgensen i Pålgarden brukte heile Hjortdal. Etter 1640 brukte Ole 3 mællag. Han skatta i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 4 geiter og 4 sauer.

*Ingebrigt Olsen* f. ca. 1612.

I namnet tok han over bruket ca. 1660, men i røynda har han



nok vore med før. Han skatta av eit bruk på 4 mællag i 1666, og sat som brukar til ca. 1680. Etter han kom

*Lars Pedersen* (f. ca. 1637, d. 1721).

Br. ca. 1680—ca. 1722.

Han hadde vore soldat. Truleg gift med Berte Jørgensdtr. Fet frå Jørngarden (f. ca. 1669, d. 1751). Ho gifte seg att 1726 med Jon Pedersen Fet og flytte til Fet. Etter Lars kom

*Peder Olsen* d. 1759, g. 1722 m. Berte Larsdtr. (Hjortdal ?) (f. ca. 1700, d. 1767).

Br. ca. 1722—1759.

Han brukte 4 mællag. I 1739 vart han stemnd av Nikolai Ulrich for 3 rdl, 1 mrk. i gjeld, og vart dømd til å betale. Peder Olsen i Pegarden vart kalla «den unge» til forskjell frå den samnemnde grannen i Larsgarden bnr. 2.

Etter Peder i Pegarden kom sonen

*Nils Pedersen Hjortdal* (f. 1736, d. 1763) g. 1760 m. Synnøve Knutsdtr. Velle frå Jogarden (f. 1732, d. 1797).

Br. 1759—1764.

Bygselsetel frå Sebastiane Mechlenborg på Klokkehaug i 1759 på 4 mællag. Nils var soldat. Enkja Synnøve Knutsdtr. gifte seg att 1764 med

*Peder Olsen Straumsheim* (f. 1735, d. 1792) Bygselsetel frå fru Mechlenborg i 1764 på 4 mællag. Peder Olsen var lagrettemann. Skiftebuet hans i 1792 hadde 60 rdl. i brutto eige. Gjelden var 53 rdl.

Sonen

*Knut Pedersen Hjortdal* (f. 1769, d. 1830) g.l. 1793 m. Berte Andersdtr. Blindheim frå Hau-Ola-garden (f. 1769, d. etter barsel 1794) g. 2. 1794 m. Anne Larsdtr. Velle frå Askjellgarden (f. 1771, d. 1857).

Br. 1793—1829.

Bygselbrev frå fru Mechlenborg i 1793 på 4 mællag. I 1801 fødde han 1 hest, 7 storfe og 20 småfe. Sånaden var 3 t. havre og 1 t. bl.korn. Knut var lagrettemann i 1816 og skreiv då med førd penn. Skiftebuet etter førstekona Berte Andersdtr. i 1794 synte ei brutto eige på 92 rdl. Gjelden var 71 rdl. Skiftebuet etter Knut i 1830 var fallitt.

Knut Pedersen gjekk over på kår i 1829. Sonen tok over Pe-bruket. Det var

*Lars Petter Knutsen Hjortdal* (Gamle-Hjortdalen) (f. 1803, d. 1884) g. 1829 m. Marie Iversdtr. Fjørstad frå Ivagarden, Stranda, (f. 1801, d. 1869).

Br. 1829—1856.

Born: Knut Bastian f. 1832 g. på bruket. Anna Inger f. 1837 g. i Borgund.

Lars Petter fekk bygselbrev i 1829 frå Iver Fredrik Mechlenborg i Vegsundet. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 1 våg revidert til 2 dlr. 15 skl. Same året vart det halde jordskifte over innmarka på Hjortdal. Buskapen i Pegarden var i 1845 1 hest, 8 kyr, 12 sauer og 4 geiter. Sånaden var ½ t. bygg, 2 t. bl.korn, 4 t. havre og 1½ t. poteter.

Lars Petter Knutsen Hjortdal var ein uvanleg flink felespelar. I daglegtale vart han kalla Gamle-Hjortdal'n, og var ettertrakta som spelemann i bryllaup omkring på heile Sunnmøre. Etter tradisjonen imponerte han også sjølvaste Ole Bull. Sonesons-sonen Ole Jørgen Jenssen Hjortdal fortel:

«Lars Petter hadde vore ute på øyane og spela i eit bryllaup. På heimveg gjennom byen høyrde han vakkert felespel frå eit hus, og vart ståande med fela under armen og lye. Etter ei stund stoppa spelet, og spelemannen kom ut. Karane kom i prat. Mannen fortalde at han var på konsertferd, og heitte Ole Bull. Han baud Gamle-Hjortdalen med seg inn. Fela til Ole Bull låg på bordet, og Gamle-Hjortdalen kunne ikkje dy seg anna enn han måtte klimpre litt på instrumentet til den vidgjetne spelemannen. «Du må gjerne prøve fela mi», sa Ole Bull, og det gjekk no slik at Gamle-Hjortdalen strauk opp. Ole Bull må ha likt spelet hans, for han baud seg til å gi Gamle-Hjortdal'n gratis reis og opphald om han ville slå seg med på ei konsertferd som Ole Bull emna på til Amerika. Lars Petter såg seg ikkje syn til det, av ymse grunnar. Han sat nok heller trangt i det økonomisk. Då dei skildest, tok Ole Bull opp ein sylvdalar og gav Gamle-Hjortdalen til minne om dette møtet.»

Sonen

*Knut Larssen Hjortdal* (f. 1832, d. 1896) g.m. Katarine Olsdtr. Set frå Løvsøya (f. ca. 1825, d. 1911).

Br. 1856—1885,

Born: Karn Marie Petrine f. 1856, d. 1865, Jens f. 1859 g. på bruket. Karl *Johan* f. 1862 g.1. m. Marie Larsdtr. Ojøsund i Tusvik, g.2. m. Oline Bastiansdtr. Blakstad. Busett Tusvik. Ole An-

dreas f. 1865 g.m. Berte Petersdtr. Aure frå Knutgarden bnr. 15. Busett i Straumgjerde bnr. 16. Karen f. 1871, g.m. Petter Hanssen Langeland. Sjå «Strømshorn» under Straume bnr. 16.

Knut Larssen fekk bygselbrev frå bokbindar og garvar Martin Torkildsen Brudevoll frå Ørsta som i 18,53 hadde fått skøyte på dette bruket frå verfaren Halvor Pedersen Abelset for 200 spd. Pebruket var i 1864 på 24 mål dyrka åker og eng, og 74 mål naturleg engmark. Buskapen i 1875 var 2 unghestar, 2 kyr, 1 ungdyr, 10 sauer, 7 geiter og dessutan 3 kyr og 1 ungdyr som Knut hadde på fôr i leige. Sånaden var 2½ bl.korn, 3 t. havre, 2 t. poteter og 3 ar med rotfrukt.

Sonen

*Jens Petter Knutsen Hjørldal* (f. 1859, d. 1934) g. 1884 m. *Susanne Gurine Jørgensdtr. Ringstad* frå Stranda (f. 1856, d. 1945).

Br. 1885—1922.

Born: Knut Jørgen f. 1885, d. 1901. Mellomskuleelev. Ole Jørgen f. 1888 g. på bruket. Karen Olave (f. 1890 d. 1974) g.m. skipskaptein Jakob S. Hole frå Hjørundfjord. Busett Riksheim bnr. 7. Anna f. 1893 g.m. Jakob J. Hole i Jogarden på Hole, bnr. 8. Hans Johan f. 1895. Utvs. nr. 554. Jensine Marie f. 1898, d. 1899.

I 1885 løyste Jens Petter Knutsen ut garden med hus for 2.200 kroner og vart sjølveigar. Skøyte frå enkja etter kjøpmann Brudevoll, Marta Halvorsdtr. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda 2 dlr. 15 skl. revidert til 3,36 mark. Ved denne tida vart plassen Slettebø bnr. 5 utskild frå Pebruket med 0,56 mark i skyld, og i 1897 stykket Slettebakk bnr. 7 med skyld 0,16 mark, som også vart lagt til Plassen bnr. 5.

Etter jordskiftet i 1907 vart Pefolket pålagde. å flytte ut frå gamletunet. Jens Petter flytte då Petunet lenger vest og nord om bygdevegen. Løa og stabburet bygde han i 1907 og huslyden budde på stabburet til han bygde nytt stovhus i 1913. Materialett kjøpte han på rot i Solnørdalen, fløta det til Erstad og saga det der, og køyrde det sidan til dals. Han dyrka opp heile bruket og la ned eit stort arbeid i Pegarden. Vintrane dreiv han fiskeoppkjøp for ein fiskehandlar frå Ålesund som representerte eit firma i Vågsvåg i Nordfjord. Fleire sesongar arbeidde Jens Petter også i Vågsvåg. Elles kjøpte han opp krøter som han slakta, og selde kjøtet i Ålesund. I grenda var han kjend for å gjere god

dyrlækjarteneste, og han hjelpte såleis mange med å gjelde smågrisar. Som desinfeksjonsmiddel brukte han blåstein.

Sonen

*Ole Jørgen Jenssen Hjortdal* f. 1888 g. 1916 m. Karoline Petersdtr. Straumsheim frå Andersgarden bnr. 5 (f. 1894, d. 1965).

Br. 1922—ca. 1957.

Born: Gudrun f. 1917 g.m. Nils Karlsen Roald på Aure bnr. 11. Jon f. 1919 g. på bruket. Agnes (f. 1922, d. 1960) g. til Dokka. Peter f. 1926, tannlækjar, brukar ettemamnet Hjorthol, g.m. Ingeborg Liavåg frå Hareid. Sjø Aure bnr. 211. Olav f. 1929, tannlækjar g.m. Ragnhild Johansdtr. Drabløs frå Barbrogarden, lærar. Busett p.t Lillehammer.

Ole Hjortdal var i USA før han tok over garden. Utvs. nr. 555. Skøyte på Pegarden i 1922. Han dyrka opp resten av bruket, har vølt huset og bygt nytt gjødselrom til løa, silokummar og ymse anna. Han og Karoline fødte då garden stod i sitt fulle flor 2 hestar, 1 unghest, 10 mjølkekyr, ungdyr, og nokre sauer. Ved sida av arbeidet med bruket var han mykje ute på dagarbeid. Han fylgde også far sin til Vågsvåg der dei dreiv fiskearbeid. I 1917 byrja han på vegarbeid Fitjabrua—Dravlaus, seinare fekk dette arbeidslaget oppdrag med å strekkje kraftlinene for Sykkylven Elektrisitetsverk. Ole Hjortdal arbeidde i 30 år for Kraftverket. Elles var han mellom dei første i Sykkylven som var med å kjøpe sylvrev til bygda. (Sjø Andersgarden, Straumsheim). Seinare bygde han seg revegard på Hjortdal. Dei siste åra dreiv han Pegarden saman med sonen

*Jon Konrad Olsen Hjortdal* f. 1919 g. 1941 m. Laura Jenny Petersdtr. Brunstad frå Jørngarden f. 1921.

Br. 1957—1965.

Born: Oddbjørn f. 1942, tok over bruket. Jan Peter f. 1950. Dagfinn f. 1956.

Jon Hjortdal bygde på stovehuset og moderniserte det i 1955. Han bygde også silokumme i løa. Elles har han vore mykje oppteken i arbeidet med Velledalen Lenestolfabrikk som han eig og driv saman med verbroren Fridtjof Drabløs. Sjø Hjortdal bnr. 12. Jon Hjorthol var med i fridomskrigen i Gudbrandsdalen i 1940. Etter krigen har han vore mykje med i kommunalt arbeid, medlem i kommunestyre og formannskap og i mange kommunale nemnder. Han har vore interessert i idrett, og lagt ned eit stort arbeid m.a, for å bygge idretts- og fotballbane i Tregardane, skibakke

på Brunstad og skiheis på Lastølen. I mange år var han formann i Fetvassdragets Grunneigarlag som har hatt som hovudoppgåve å auke fiskesetnaden i vassdraget.

Pegarden driv han saman med sonen

*Oddbjørn Jonsen Hjortdal* f. 1942 g. 1966 m. Oddhild Pettersdtr. Lade f. 1945. Sjå Vik bnr. 44.

Barn: Jon f. 1968.

Oddbjørn Hjortdal er tannlækjar, og har p.t. kontor i Ålesund. Saman med far sin bygde han nytt stovehus i Pegarden ett stykke vest for gamletufta etter at det store snøskredet skadde gamle-huset natt til 19. februar 1968.

## LARSGARDEN bnr. 2.

*Samund* br. 15.—ca. 1620.

I 1610 la Samund 1 mæle i tiend. Det var like mykje som dei to andre brukarane i Pegarden og Pålgarden la til saman. Seinare minka tienda til Samund, og i 1613 hadde det jamna seg ut til ½ mæle på kvar av dei tre brukarane. I bolken frå 1620 til ca. 1640 ser det ut til at Larsgarden har vorte brukt av Pefolket og Jørnfolket. Frå ca. 1640 kom det ein ny brukar i Larsgarden. Det var

*Lars* som brukte 3 mællag til ca. 1655. Første åra hadde han lite avling å yte tiend av, men det kom seg.

*Jon Olsen* br. ca. 1655—1691.

Han var 44 år gml. i 1666, og brukte då 4 mællag. Jon var lagrettemann i 1680-åra. Han skatta i 1658 av 1 hest, 7 kyr, 4 geiter og 3 .sauer.

Bror til Jon tok over bruket. Det var

*Peder Olsen* (f. ca. 1651, d. 1732).

Br. 1691 — 1732.

Bygselsetel frå Christopher Hierman i 1691 på 3 pd. Peder Olsen betalte enkja etter Jon ei støvelhud i årleg leige. Peder vart kalla «den eldre» til forskjell frå den samnemnde grannen i Pegarden.

Det kan sjå ut til at Peder siste åra brukte garden saman med

*Knut Pedersen Hjortdal* (f. ca. 1703, d. 1741) g.1. 1722 m. Madli Olsdtr. Ikornnes (f. ca. 1686, d. 1738, då kalla Marit) g.2. 1739 m. Malene Olsdtr. Gjære (f. ca. 1680, d. 1760).

Frå 1730-åra vart Knut Pedersen kalla husmann.

Til Larsgarden kom no

*Lars Olsen Dravlaus* frå Ellinggarden (f. ca. 1703, d. 1757) g. 1731 m. Guro Helgesdr. Vik frå Heljegarden bnr. 1 (f. ca. 1700, d. 1705).

Br. 1732—1759.

Bygselsetel frå major Rømer på Klokkehaug i 1732 på 1 våg. Lars Olsen var lagrettemann. Skiftebuet hans i 1757 hadde 96 rdl. i brutto eige. Gjelden var 23 rdl.

Sonen

*Helge Larssen Hjortdal* (f. 1731, d. 1786) g. 1761 m. Anna Pedersdr. Indre Ikornnes (f. 1739, d. 1785).

Br. 1759—1786.

Bygselsetel frå Sebastian Mechlenborg i 1759 på 4 mællag.

Versonen

*Ole Iversen Brudevoll* (f. 1764, d. 1833) g. 1786 m. Guri Helgesdr. Hjortdal (f. 1761, d. 1831).

Br. 1786—1818.

Bygselsetel på 4 mællag i 1786 frå Ebbe Stavdal som fekk skøyte på dette bruket i 1775. Auksjonsskøyte til Ole Iversen i 1811 for 228 riksbankdalar. Han var med det sjølveigar. Ole Iversen var lagrettemann. I 1815, midt i verste dyrtida, vart han stemnd for retten av sokneprest Kielstrup som skulda han for å ha nekta kyrkjeverja å levere ut altarvin. Det som Ole Iversen i fylgje justisprotokollen hadde gjort, var at han hadde gitt kyrkjeverja Lars Carl Amundsen Aure ei lusing fordi det hadde vorte kjøpt eit anker mjød for 900 riksbankdalar i staden for altarvin. Ole og ein del av ålmugen tykte det var for høg pris, og Ole sa at dei som ville drikke av denne mjøden i staden for altarvin fekk sjølve betale mjøden etter avtalt pris. Men var dei såpass til menn at dei tok slikt av eige hovud utan å ta andre gode menn med på råd, så kunne dei ta kyrkjerekneskapen frå dei.

Kyrkjeverjene Lars Carl Amundsen Aure og Ole Larssen Tjønes hadde etter dette gått til Ole Jakobsen Straumsheim som hadde selt mjødankeret, og fått prisen nedsett til 600 riksbankdalar. Men fordi Ole Iversen hadde tala til Lars Carl Amundsen slik som ovanfor nemnt, hadde kyrkjeverjene nekta å levere ut meir mjød til prester, og dermed vart det ikkje altargang. Justisprotokollen fortel ikkje meir om utfallet av saka, men truleg vart mjødankeret tømt og brukt slik føremålet var.

Son til Ole Iversen tok over bruket. Det var

*Iver Olsen Hjortdal* (f. 1789, d. 1845) g. 1818 m. *Anne Marta Jakobsdtr.* Dravlaus frå Karolusgarden bnr. 5 (f. 1793, d. ca. 1874).

Br. 1818—1844.

Han fekk skøyte på bruket frå far sin i 1818 for 160 spd. Kår. *Iver Olsen* la av eiden til Grunnlova i 1825 og fekk stemmerett. I 1838 var det skifte av innmarka på *Hjortdal*.

*Anne Marta Jakobsdtr.* gifte seg att som enkje i 1849 med enkjemann *Bodvar Johnsen Drotninghaug* og flytte til *Drotninghaug*. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 1 våg, rev. til 2 dlr. 15 skl.

Son til *Iver Olsen* og *Anne Marta* tok over *Larsbruket*. Det var

*Ole Elias Iversen Hjortdal* (f. 1818, d. 1902) g. 1844 m. *Marte Jakobine Olsdtr.* Midtgaard frå *Sjursgarden* (f. 1825, d. 1861).

Br. 1844—1865.

Han fekk skøyte frå far sin i 1844 for 160 spd. og kår. *Ole Elias* var skulehaldar i *Hundeidvik* då han gifte seg. I 1846 la han av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett. *Larsbruket* var i 1864 på 24 mål dyrka åker og eng, og 74 mål naturleg england. Han fødde 1 hest, 7 storfe og 18 småfe. Sånaden var  $\frac{1}{8}$  t. bygg, 3 t. bl.korn, 3 t. havre og 3 t. poteter. Avlinga var 2 t. bygg, 18 t. bl. korn, 20 t. havre og 18 t. poteter. *Ole Elias* var flink til å skrive. Han skreiv hundrevis av skøyter for bygdefolket.

Sonen

*Iver Olsen Hjortdal* (f. 1845, d. 1924) g. 1864 m. *Petrine Tomasine Ingebrigtsdtr.* Brudevoll frå *Jogarden* (f. 1845, d. 1931).

Br. 1865-1909.

Born: *Ole* f. 1866, d. 1946, g. m. *Olave Midtgaard*. Var snikkar i 1891. *Peter* f. 1868. Utvs.. nr. 553. *Anne* f. 1871 g.m. *Fredrik Brunstad* i *Jakobgarden*. Dei flytte til *Vinjefjorden*. *Knut* f. 1874 g. på bruket. *Olivia* f. 1876 g.m. *Lars Peter Ramstad* i *Jogarden*. *Lovise* (f. 1879, d. 1951). *Lars* f. 1883 g.m. *Marit Grønset*, *Vinjefjorden*. *Iverine* (f. 1886, d. 1934). *Andreas* f. 1889. Sjå *Hjortdal* bnr. 10.

*Iver Olsen* fekk skøyte på *Larsbruket* frå far sin i 1865 for 400 spd. og kår. I 1875 fødde han 1 unghesl, 1 okse, 7 kyr, 3 ungdyr, 16 sauer, 3 geiter og dessutan kårdyra til *Ole Iversen*: 1 ku og 4 sauer. Sånaden var 3 t. bl.korn,  $3\frac{1}{2}$  t. havre, 3 t. poteter og 4 ar med rotfrukt. Ved skyldsettinga var den gamle skylda 2 dlr. 15 skl. revidert til 3,36 mark.

I 1902 kjøpte Iver Olsen også grannebruket Pålgarden bnr. 3 på Hjortdal for 2.800 kroner av Fredrik M. Fet og Nils S. Drabløs, men med atterhald om bygselrett for enkja Anne Oline Petersdtr. Hjorthol på bnr. 3. Frå 1909 fekk Anne Oline årleg 50 kroner i kår av Iver Olsen for Pålbruket.

Etter tradisjonen var han svært dugande til å rekne. I mange år førde han rekneskapen til Velledalen Meieri, og han adderte i hovudet fleirsifra kolonner med tal i jamn fart etter kvart som han strauk fingrane ned etter bladsidene. Iver Olsen var lenge med i kommunestyret.

Sonen

*Knut Iversen Hjorthol* (f. 1874, d. 1957) g. 1906 m. Karen Hansdtr. Brudevoll frå Jetmundgarden (f. 1886, d. 1973).

Br. 1909—1955.

Born: Ingvald f. 1907. Uts. nr. 556. Torbjørg (f. 1909, d. 1938) g. m. Ragnvald Holen frå Hjørundfjord. Harald f. 1911 g. på bruket. Aslaug f. 1915. Ovidia Petrine f. 1919 g.m. Arthur Hansen. Sjø Hjortdal bnr. 10. Petter Hjalmar f. 1920 g.m. Hildur Holmvåg frå Steigen. Sjø Hjortdal bnr. 19. Gunnhild f. 1924.

Knut hadde vore tømmermann m.a. i Oslo og hadde også vore i USA før han tok over som gardbrukar på Hjortdal. Uts. nr. 552. Han løyste både Larsbruket bnr. 2 og Pålbruket bnr. 3 etter far sin, og dreiv bae gardane, med unnatak av ein parsell Gjerdebakken bnr. 10 som vart fråskilt bnr. 3 og som systera Iverine og broren Andreas tok over i seinare år. Knut Iversen sette opp nye hus, løhus i 1909 og stovehus i 1912. Han la ned eit stort arbeid på bruket som han dyrka godt opp.

Sonen

*Harald Knutsen Hjorthol* f. 1931 g. 1941 m. Hjørdis Johansdtr. Grebstad frå Hjortdal bnr. 6 (f. 1911, d. 1946) g.2. 1951 m. Kedy Pettersdtr. Grebstad f. Brunstad frå Øyane bnr. 6. (f. 1915) Sjø også Hjortdal bnr. 6.

Born, andre ekteskap: Svein Helge f. 1951. Kari Pauline f. 1954.

Harald Hjorthol kjøpte lastebil i 1930-åra og dreiv lastebilkøyring i mange år, men tok så fabrikkarbeid. Kona Hjørdis f. Grebstad tok over landhandelsverksemda som far hennar dreiv i Hjortdalsgjerdet bnr. 6, men døydde i etter måten ung alder. Seinare gifte Harald seg att med enkja etter bror hennar, Kedy f. Brun-



stad, og dei tok over Larsbruket. Dei har vølt og modernisert stovehuset.

### PÅLGARDEN bnr. 3.

Dette bruket har truleg vorte utskilt frå Larsgarden ca. 1609.

*Ole Larsen* br. ca. 1609—ca. 1620.

Han la ½ mæle i tiend i 1613, likt med dei to andre brukarane på Hjortdal.

*Elling Jørgensen*, br. ca. 1620—ca. 1660.

Saman med grannen Ole Olsen i Pegarden brukte Elling også Larsgarden i åra 1620—1640. Elles auka Pålgarden i storleik i Elling si brukstid, slik at Pålgarden i 1648 var på 6 mællag. Ved denne tid vart Jørnbruket bnr. 4 utskilt frå Pålbruket. I 1658 skatta Elling av 1 hest, 8 kyr, 6 geiter, 8 sauer og 1 okse. Henning Hansen Smith på Giske stemnde Elling for retten i 1653 for ein gjeld på 3½ tylfter bord. Elling møtte ikkje i retten, for han var blind. Men han vart dømd til å betale gjelden innan ½ månad. I 1666 heiter det om Elling at han var «utlevd og blind».

Sonen

*Jørgen Ellingsen Hjortdal* f. ca. 1636.

Br. ca. 1660—1693.

Han skalta av 5½ mællag, og la 1 mæle korn i tiend.

Sonen

*Elling Jørgensen Hjortdal* (f. ca. 1665, d. 1750) g.m. Anna Pedersdtr. (f. ca. 1671, d. 1735).

Br. 1693- ca. 1741.

Byggselsetel frå Christen Smith i 1693. Han brukte 1 våg 1 pd. Sonen Peder tok over Karigarden på Velle, og ein annan son, Jørgen, flytte til Jørngarden på Hjortdal. Pålgarden let Elling over til sonen

*Ole Ellingsen Hjortdal* (f. ca. 1720, d. 1766) g.1. 1741 m. Synnøve Guttormsdr. Erstad (f. ca. 1701, d. 1749) g. 2. 1750 m. enkje Guri Olsdtr. Midtgård (f. Ikornnes ca. 1712, d. 1755) g.3. 1757 m. Synnøve Olsdtr. Eidem (f. 1722, d. 1772).

Br. ca. 1741—1768.

I hans brukstid minka Pålbruket frå 1 våg 1 pd. til 1 våg. Skiftebuet etter Ole i 1766 hadde 92 rdl. i brutto eige. Gjelden var 42 rdl. Ole vart jordfest saman med ein dødfødd son.

Enkja Synnøve Olsdtr. gifte seg att 1768 med

*Paul Larssen* (f. 1744, d. 1808). Det er noko uvisst kvar han er frå. Mest truleg er det at han kom frå Klokkehaug. Då Synnøve døydde, gifte Paul seg opp att i 1773 med stykdotter hennar, d.v.s. dotter til Ole Ellingsen frå første ekteskap, Anna Olsdtr. Hjortdal (f. 1742, d. 1814).

Br. 1768—1799,

Byggselsetel frå Sebastianne Mechlenborg på 4 mællag i 1768. Paul var lagrettemann. Ein son, Paul Paulsen, tok over Jørngarden bnr. 4.

Eldste sonen tok over dette bruket. Det var

*Lars Paulsen Hjortdal* (f. 1773, d. 1834) g. 1800 m. Berte Knutsdtr. Hole (f. 1773, d. 1856).

Br. 1799—1824.

Byggselsetel i 1899 på 1 våg frå Sebastianne Mechlenborg. Kår til Paul Larssen og Anne Olsdtr.

Versonen

*Peder Gullik Larssen Lade* (f. 1792, d. 1850) g. 1823 m. Tyri Larsdtr. Hjortdal (f. 1801, d. 1881).

Br. 1824 -ca. 1851.

Byggselsetel i 1824 frå Iver Mechlenborg på 1 våg. I Peder Gullik Larssen si brukstid var det jordskifte over innmarka på Hjortdal (1838). Ved den nye skyldsettinga vart den gamle skylda på bruket, 1 våg, revidert til 2 skylddr. 15 skl. I 1845 var buskapen 1 hest, 7 kyr, 12 sauer og 4 geiter. Sånaden var ½ t. bygg. 2 t. bl. korn, 3½ t. havre og 1½ t. poteter.

Son til Peder Gullik tok over bruket. Det var

*Lars Andreas Pedersen Hjortdal* (f. 1825, d. 1906) g. 1851 m. Olave Johanne Larsdtr. Velle frå Åmundgarden (f. 1827, d. 1890).

Br. ca. 1851—1881.

Born: Lars Peter f. 1851 g. på bruket. Ole f. 1854 g.m. Anne Oline Larsdtr. Dravlaus i Toregarden. Bastian f. 1859, d. 1866. Jens f. 1863 g.m. Karoline Severinsdtr. Brudevoll i Jogarden. Lovise f. 1867, d. 1878.

Lars Andreas Pedersen fekk bygselbrev i 1851 frå Halvor Pedersen Abelset. I 1875 fødte dei på Pålbruket 1 hest, 1 okse, 8 kyr, 3 ungdyr, 15 sauer, 5 geiter og 2 svin. Sånaden var 3 t. bl. korn, 3½ t. havre, 3 t. poteter og 2 ar med rotfrukt.

Pålbruket skifte eigar i Lars Andreas si brukstid. Halvor Pedersen Abelset selde i 1853 til Johan Halvorsen Klock for 150 spd., som selde att i 1868 for 400 spd. til Jakob Larssen Fet i

Hansgarden, og seinare gjekk garden gjennom arv over til Fredrik Martinussen Fet og Nils S. Drabløs.

Son til Lars Andreas tok over bygselen. Det var

*Lars Peter Larssen Hjortdal* (f. 1851, d. 1895) g. 1881 m. Anne Oline Pedersdtr. Lade frå Olagarden (f. 1858, d. 1947).

Br. 1881 1909.

Born: Lovise f. 1882. Utvs. nr. 558. Olave f. 1885 g.m. Nils P. Aurdal frå Andersgarden bnr. 4. Sjå Grebstad bnr. 37. Anna Petrine f. 1887. Utvs. nr. 557. Lars f. 1891. Utvs. nr. 560. Ingvald f. 1894. Utvs. nr. 559.

Lars Peter fekk bygselsetel i 1881 frå Jakob Larssen Fet. Kår. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda, 2 dlr. 15 skl. revidert til 3,28 mark.

Fredrik Martinussen Fet og Nils S. Drabløs selde i 1902 Pål-bruket for 2.800 kroner til Iver Olsen Hjorthol i Larsgarden bnr. 2. I 1909 fekk enkja etter bygslaren Lars Petter Larssen kår av Ivar Olsen, 50 kroner årleg, og frå den tid har Larsfolket drive også Pålbruket. Anne Oline flytte til dotter si Olave på Grebstad. Seinare har det frå Pålbruket bnr. 3 vorte utskilt nokre større stykke, m.a. bnr. 9 og 10, og dessutan nokre hustomter. Sjå vidare under Larsbruket bnr. 2.

#### JØRNGARDEN bnr. 4.

Dette bruket kjem til i 1640-åra. Truleg vert det skilt ut frå Pålbruket bnr. 3 som i desse åra minkar frå 6 mællag til 4 mællag.

Ole Paulsen, f. ca. 1606, br. ca. 1646—ca. 1675.

I 1654 brukte han 2 mællag, i 1666 2½ mællag. Han skatta i 1658 av 1 hest, 5 kyr, 4 geiter, 4 sauer og 1 okse. I 1653 vart han stemnd for retten av Henning Hansen Smith i Hanken for 3 ½ tylfter bord som han var skuldig. Ole Paulsen hevda at han hadde levert desse borda til «Jakob rodemann i Hanken», men Ole kunne ikkje syne setel, og vart dømd til å betale innan ½ månad. I 1667 hadde han borga for 5 ort i såkorn av ein Christen Jenssen Vendelbo som hadde handla for Iver Jenssen Barnsbild i Laurvig. Det var dyrtid, og såkorn var det ingen stad å få her på våre kantar. Året etter vart han stilt for retten for gjelden, og dømd til å betale.

Etter Ole Paulsen kom

*Ingebrigt*, br. ca. 1675—ca. 1695.

*Knut Olsen Hjortdal* (f. 1654, d. 1707) g.m. Gjertrud Larsdtr.

Br. ca. 1695—1707.

Knut skatta av 2 mællag 12 mrk. I skiftebuet er nemnt 1 hest, 1 føl, 3 kyr, 1 kvige og 1 okse. Buet var fallitt.

*Simen Olsen* (f. ca. 1664, d. 1724).

Br. ca. 1707—1726.

I 1720 nya han opp att festebrevet på 2 mællag 12 mrk.

*Jørgen Ellingsen Hjortdal* frå Pålgarden bnr. 3 (f- ca. 1699, d. 1776) g.1. 1726 med enkje Anna Olsdtr. Hjortdal (f. ca. 1664, d. 1733) g.2. 1734 m. Marte Knutsdtr. Øgård (f. ca. 1694, d. 1763).

Br. 1626—1757.

Førstekona til Jørgen kan vere enkja etter Simen Olsen. Jørgen Ellingsen fekk bygselsetel i 1726 frå major Røtner på 2½ mællag 3 mrk.

Sonen

*Elling Jørgensen Hjortdal* (f. 1735, d. 1804) g. 1756 m. Anne Tostensdtr. Brunstad (f. 1727, d. 1796).

Br. 1757—1788.

Bygselsetel i 1757 frå Sebastiane Mechlenborg på 3 mællag. Då Elling døydde i 1804, var skiftebuet hans fallitt.

Sonen

*Jørgen Ellingsen Hjortdal* (f. 1756, d. 1833) g. 1788 m. Edel Jørgensdtr. Velle frå Knutgarden (f. 1760, d. 1842).

Br. 1788—1823.

Bygselsetel i 1788 på 1 våg frå Jakob Eide på Klokkehaug. Etter denne bygselsetelen hadde Jørnbruket no like stor skyld som dei andre bruka på Hjortdal. Jørgen var lagrettemann. Elles høyrer vi om han både som skynsmann og vitne i tvistar om byteliner, såleis på Drotninghaug i 1794 og på Brunstad i 1795.

Etter Jørgen Ellingsen kom

*Paul Paulsen Hjortdal* frå Pålgarden (f. 1783, d. 1857) g. 1822 m. Guri Pedersdtr. Grebstad frå Eliasgarden bnr. 7 (f. 1779, d. 1850).

Br. 1823—1836.

Paul la kår til Jørgen Ellingsen og kona frå 1823. I åra frå 1808 hadde han vore med i krigen mot svenskane. Han la av eiden til Grunnlova 1832 og fekk stemmerett.

Etter Paul kom

*Peter Andreas Salmundsen Brunstad* (f. 1810, d. 1858) g. 1835 m. Anne Marta Klausdtr. Hole (f. 1813, d. 1901).

Br. 1836—ca. 1859.

Mor til Anna Marta var frå dette bruket. Bygselbrev i 1836 frå Jens Hansten Jakobsen Eide. I Peter Andreas si brukstid var det jordskifte på Hjortdal. Buskapen i 1845 var 1 hest, 7 kyr, 12 sauer og 4 geiter. Sånaden ½ t. bygg, 2 t. bl. korn, 3½ t. havre og 1½ t. poteter.

Enkja Anne *Marta* Klausdtr. gifte seg att i 1859 med *Andreas Eliassen Håhjem* frå Skodje (f. ca. 1823, d. 1887).

Br. 1859—1865, sidan halve garden nokre år.

Bygselsetel i 1859 frå Jens Hansten Jakobsen Eide, med rett for eit av stykborna til Andreas til å ta over bygselen etter han.

I 1875 fødde Andreas på sin halvpart av bruket 3 kyr, 2 ungdyr, 7 sauer og 2 geiter. Den andre halvparten hadde versonen til Anne *Maria* Klausdtr. teke over. Det var

*Sivert Nilssen Brunstad* frå Klausgarden (f. 1834, d. 1880) g. 1864 m. *Johanne Petrine* Petersdtr. Hjorthol (f. 1834, d. 1893).

Br. halve garden frå 1865 til 1876, sidan heile til 1893.

Born: Anne Oline f. 1863 g.m. Jens Kristensen Hole på Holen. Nikoline f. 1865, d. 1916 på Grebstad. Peter Olaus f. 1868 g.m. Marie Johansdtr. Grebstad, bnr. 35. Sjå Hjortdal bnr. 6, og Aure bnr. 87. Karen f. 1870. Utvs. nr. 567. Anna Marie f. 1872. Utvs. nr. 566. Olave f. 1876 g.m. Johan Johansen Grebstad, bnr. 35. Sjå Hjortdal bnr. 6. Lovise f. 1879. Utvs. nr. 568.

Sivert Nilssen løyste ut heile Jørnbruket i 1865 for 460 spd. frå buet etter Jens Hansten Jakobsen Eide, og var dermed sjølveigar. Men han måtte låne ein del pengar for å greie dette kjøpet. Stykfar til Johanne *Petrine* vart sitjande med bygselen over halve bruket til 1876. Sivert fødde på sin halvpart i 1875 1 hest, 3 kyr, 2 ungdyr, 8 sauer, 2 geiter og 1 gris. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Sivert som snikkar, og han var m.a. kjend for å lage gode truskemaskinar. Han bygde ny løe og nytt stovehus i Jørngarden.

Ved skyldsettinga i 1890 var skylda på Jørnbruket, 2 dlr. 15 skl., revidert til 3,28 mark. I 1891 vart det fråskilt eit stykke Hjortdalsgjerdet (sjå Sollid bnr. 6) med skyld 0,98 mark. Son til Sivert, Peter Olaus, løyste ut dette stykket og flytte dit. Resten av garden selde enkja Johanne *Petrine* Petersdtr. og sonen Peter Olaus Sivertsen for 2000 kroner i 1893 til

*Bastian Karolus Jørgensen Brunstad* frå Jørngarden (f. 1838, d. 1915) g.l. 1875 m. Severine Nilsdtr. Brunstad frå Klausgarden

(f. 1842, d. 1879) g.2. 1880 m. Berte Marie Larsdtr. Erstad (f. 1848, d. 1890) g.3. m. Jensine Viset frå Ørskog.

Br. 1893—1910.

Born. i . ekteskap: Petter f. 1875, g. på bruket. Jensine f. 1877 g.m. Ludvik Brunstad i Klausgarden.

Born, 2. ekteskap: Johan f. 1882. Utvs. nr. 549. Martin f. 1884. Utvs. nr. 550. Bastian f. 1890. Utvs. nr. 548.

Bastian Jørgensen hadde i fleire år drive gard på Riksheim (bnr. 3) før han kjøpte Jørngarden på Hjortdal og flytte dit. Han var enkjemann då, og det vart dottera Jensine som måtte stå føre både husstellet og mykje av fjøsstellet på garden i mange år.

Son til Bastian tok over bruket. Det var

*Petter Bastiansen Hjortdal* (f. 1875, d. 1941) g. 1906 m. Bastianne Karlsdtr. Eidem frå Trulsgarden f. 1885.

Br. 1906—1946.

Born: Tordis f. 1906 g.l. m. Sigvart H. Fedt, g.2. m. Bjarne Ekornåsvåg. Sjø Fet bnr. 4. Birger (f. 1908, d. 1960). Utvs. nr. 563. Johan f. 1915 g. på bruket. Astrid f. 1917, d. 1960, g. 1945 m. Herman Herskedal frå Vikan i Romsdal. Berta f. 1919 g. 1943 m. Jon Ringstad, fabrikkeigar Stranda. Solveig f. 1922 g. 1950 m. Alf Sandstrøm, Oslo. Karl f. 1926, g.m. Margit Trosterud, Oslo, han er tannlækjar på Gjøvik.

Petter Bastiansen hadde vore i USA før han tok over garden. Han var også seinare til USA. Utvs. nr. 551. Skøyte på Jørngarden frå far sin i 1910 for 3000 kroner. Men då hadde Petter alt sett opp nytt stovehus (1907). Han var ein svær arbeidskar, og la ned eit stort arbeid på bruket, dyrka ca. 20 mål jord som for det meste var anten blautmyr eller steinete skogsrabbar.

Sonen

*Johan Pettersen Hjorthol* f. 1915 g. 1946 m. Bjørg Karlsdtr. Vik (bnr. 13) f. 1923.

Br. frå 1946.

Born: Bergljot f. 1947. Geir Petter f. 1952.

Johan Hjorthol har bygt om og modernisert stovehuset. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv han i mange år fabrikkarbeid. I 1960 sette han opp eit moderne grisehus på bruket, og byrja med griseal. Han har m.a. vore fast leverandør av smågrisar til Ringstads Fabrikker som fôrar dei fram til slaktegrisar. Johan og Bjørg Hjorthol har vore mykje med i ungdomsarbeidet i grenda. Såleis var Johan Hjorthol lenge formann i Velledalen fril.

ungdomslag. Seinare har han vore mykje med i kommunalt og fylkeskommunalt arbeid, medl. i kommunestyret og formannskap, varaordførar, krinsformann, formann i skulestyret, og formann i fylkesskulestyret.

#### FESTETOMTER UNDER bnr. 4.

*Hans A. Karlsen*, møbelsnikkar, f. i Steigen 1922 g. 1948 m. Skjoldvor Gerhardsen f. i Steigen 1924, bygsla tomt av bnr. 4 i 1953, bygde hus i 1955.

*Eivind Solheim* frå Naustdal, f. 1921, g. 1957 m. Magnhild Gjerde frå Skjåk f. 1921, bygde stovehus i 1965. Born: Jostein Thor f. 1958. Torhild f. 1960,

#### SLETTERØ bnr. 5 + bnr. 7 + bnr. 9.

Bruket vert i dagleg tale kalla Plassen. I 1865 vart stykket kalla Slæbetegen. Slettebø var husmannsplass under Pebruket, fråskylddelt i 1888 med skyld 0,56 mark. Plassen vart utvida med eit nytt stykke frå Pebruket i 1897. Dette stykket fekk namnet Slettebakk med bnr. 7 og 0,16 mark i skyld. Og i 1910 kjøpte eigaren av Slettebø eil stykke av Pålbruket bnr. 10 på ca. 30 mål. Dette stykket vart kalla Solheim med bnr. 9 og med 0,90 mark i skyld.

Første brukaren på Plassen var

*Peter Kristian Knutsen Hjortdal* frå Pegarden (f. 1795, d. 1845) g.1. 1835 m. Inger Petrine Hågensdtr. Grebstad frå Klokkergarden bnr. 18 (f. 1799, d. 1835). Ho var på Hjortdal berre i 10 veker før ho døydde. Peter Kristian vart g.2, 1836 m. Halfrid Toresdtr. Brunstad (f. 1801, d. 1843) g.3. 1844 m. Johanne Olsdtr. Marok d. 1886, då 86 år gml. Ho var dotter til Ole Skottet. Peter Kristian tok over denne plassen i 1834, etter festesetel frå Halvor Abelset, og sat som brukar til han døydde. Skiftebuget etter andrekona Halfrid Toresdtr. i 1843 synte ei brutto eige på 55 spd. Gjelden var 17 spd.

Enkja Johanne Olsdtr. gifte seg att 1846 med

*Ole Iver Knutsen Engeset* frå Stranda (f. 1808, d. 1868). Br. 1846—1871,

Han fødde i 1865 2 kyr, 6 sauer og 3 geiter. Sånaden var  $\frac{1}{8}$  t. bygg,  $\frac{5}{8}$  bl.korn,  $\frac{3}{5}$  t. havre og  $\frac{1}{2}$  t. poteter.

Før Ole Knutsen var gift hadde han fått ein son med Inger Marta Olsdtr. Lie (Opshauglid på Stranda). Denne sonen tok over Plassen. Det var

*Ole Olsen Hjorthol* (f. 1843, d. 1925) g. 1869 m. Karen Petersdtr. Hjorthol frå Jørngarden (f. 1839, d. 1899).

Br. 1871 — 1897.

Born: Olave f. 1869 g.m. Ole Bastian Olsen Hjellegjerde. Peter f. 1872 g. på bruket. Andreas f. 1876. Utvs. nr. 562. ,Ole f. 1877, d. 1899.

Bygselsetel i 1871 frå handelsborgar M. Brudevoll som då åtte Pebruket, til Ole Olsen på denne plassen. Han bygde både ny stove og nytt løhus. Ole var mykje ute på dagarbeid. Om vintrane dreiv han fiskja. Elles var han skreddar. Buskapen på Plassen i 1875 var 4 kyr, 8 sauer, 5 geiter og 1 gris. Sånaden 1 t. bl.korn,  $1\frac{1}{2}$  t. havre og  $1\frac{1}{2}$  t. poteter.

Son til Ole tok over bruket. Det var

*Peter Olsen Hjorthol* (f. 1872, d. 1960) g. 1897 m. Kanutte Pettersdtr. Jarnes (f. 1875, d. 1954).

Br. 1897—1940.

Born: Olivia f. 1897 g.m. Karl Sætre. Karen f. 1899 g. på bruket. Thea f. 1901 g.m. Johan Vegsundvåg. Bustad Hatlemark. Peter f. 1905. Utvs. nr. 565. Palma f. 1907 g.m. Andreas Støbakkvik, Godøy. Åsta f. 1910 g. m. Jon O. Melle, Ørsta.

Av Jens Knutsen Hjortdal i Pegarden kjøpte Peter Olsen i 1897 bnr. 5 for 1350 kroner, og bnr. 7 for 400 kroner. I 1910 kjøpte han stykket Solheim bnr. 9 av Iver Olsen Hjorthol for 1.300 kroner. Det meste av stykka var urudd mark. Peter Olsen dyrka opp heile plassen, og avlinga auka mykje. Han og Kanutte fødde i 1930-åra 1 hest, 6 mjølkekyr og 7—8 sauer. Han vølte stovehuset, utvida kjøkenet og stelte på løa. Om vintrane dreiv han fiskja. Elles arbeidde han som skreddar.

Versonen

*Paul Gustavsen Hauge* frå Haugsbygda f. 1914 g. 1952 m. Karen Petersdtr. Hjorthol f. 1899 har teke over Plassen frå ca. 1940. I yngre år var Karen syerske, og ho hjelpde foreldra sine med bruket og stelte dei på deira gamle dagar. Paul Hauge og Karen Petersdtr. fødde første tida 1 hest, 5—6 kyr, eit par ungdyr og nokre sauer. I 1968 var det slutt med krøterhaldet. Dei har vølt og mo-



dernisert stovehuset. Ved sida av arbeidet med bruket har Paul Hauge arbeidt på fabrikk, og han var også ei tid vaktmeister ved Velledalen Lenestolfabrikk.

#### «HEIMHUG» bnr. 8. VELLEDALENS UNGDOMSLAG.

Tomt utskild frå Pålbruket bnr. 3 i 1909 med skyld 0,01 mark.

*Velledalen frilynde ungdomslag «Heimhug»* som vart skipa i 1893, fekk gåvebrev på tomta i 1909 frå Iver Olsen Hjorthol for 150 kroner. Med tomta fylgde også veg, men for vegen skulle laget betale 50 kroner når den vart teken i bruk. Medlemene i ungdomslaget og andre oppsitjarar i Velledalen la ned eit stort arbeid i dei par åra som fylgde med å bygge eit ungdomshus på tomta. Det meste vart gjort gjennom frivilleg innsats. Det vart også samla inn pengar, og mellom dei som gav serleg rauste gåver, var velledalingane i USA.

Huset vart årestaden for eit rikt lagsliv i åra som fylgde, både innan sjølve ungdomslaget og innan dei andre samskipnadene som medlemene stod i, skyttarlaget, idrettslaget, blandakoret, mannskoret. Ei tid var det også eit aktivt losjearbeid i gang, med både barne- og vaksenlosje. Dei kristelegge samskipnadene i Velledalen brukte også ungdomshuset som samlingslokale fram til 1926 då Velledalen bedehus vart bygt (bnr. 11).

I 1930-åra grov ungdomslaget ut kjellaretasjen og innreidde han. Etter verdskrigen 1940—1945 har lagsarbeidet vore mindre aktivt, og stundom lege heilt nede. Sjølve huset fekk også ein knekk etter at grunnen svikta på nordsida. Det vart då lagt ned forbod om å nytte det til samlingslokale. I 1973 vart huset rive.

#### SOLLID bnr. 6 (Hjortdalsgjerdet).

Frå Jørngarden bnr. 4 vart det i 1891 utskilt eit stykke, Sollid bnr. 6, med skyld 0,98 mark. Dette stykket som i dagleg tale vart kalla Hjortdalsgjerdet selde enkja Johanne *Petrine* Petersdtr. Hjorthol i Jørngarden for 400 kroner til sonen

*Peter Olaus Sivertsen Hjorthol* (f. 1868, d. 1934) g. 1890 m. Marie Johansdtr. Grebstad (bnr. 35) (f. 1868, d. 1903). Sjå Aure bnr. 87. I 1892 sette Peter Olaus opp hus ved bygdevegen som den gongen låg på flata like nedafor utmarksgarden. Dei dreiv

småbruket til 1902. Dessutan dreiv Peter Olaus bakeri i huset sitt, og landhandel. Seinare flytte han til Aure og dreiv handel og skomakarverksemd. Lenge dreiv han også frakting med motorbåt, og hadde m.a. presteskyssen til Ørskog. I 1926 selde han båten og kjøpte lastebil, den første lastebilen i Sykkylven. Petter Olaus flytte då attende til Hjørldalsgjerdet og budde hjå syster si og mannen hennar. Ca. 1927 gjekk Peter Olaus inn i samarbeid med Karl Ramstad og Ole T. Lied om rutebilkøyring. Peter Olaus kjøpte seg då ein 7-seters Buick, som han også nytta til drosje-køyring.

I 1902 selde Peter Olaus dette bruket til verbroren

*Johan Johansen Grebstad* frå Plassen bnr. 35 (f. 1870, d. 1958) g.l. 1894 m. Inga Olsdtr. Lied frå Ørskog (f. ca. 1869, d. på Aurdal 1900) g. 2. 1902 m. Olave Sivertsdtr. Hjorthol frå Jørngarden bnr. 4 (f. 1876, d. 1954).

Br. 1902—ca. 1940.

Born, 1. ekteskap: Oskar Ingvald f. 1896, d. 1915. Inghard Hermann f. 1900. Utvs. nr. 570.

Born, 2. ekteskap: Hulda f. 1903 g.m. Karl Olsen Flem. Sjå Hjortdal bnr. 14. Marie f. 1905. Utvs. nr. 569 og 171. Selmer f. 1909 g. på bruket Hjørdis f. 1911, d. 1946 g.m. Harald Knutsen Hjorthol, Larsgarden bnr. 2.

Johan Grebstad hadde først Knutgarden bnr. 2 på Aurdal eit par år før han i 1902 kjøpte Hjørtdalsgjerdet for 3,800 kroner. Han la ned eit stort arbeid med jordbryting og grøfting, og dyrka bruket godt opp. I 1920 flytte han stova og i 1923 lå nedover mot den nye riksvegen. Ved sida av arbeidet med bruket, dreiv Johan Grebstad både skomakarverksemd, bakeri og landhandel den første tida etter at han kom til Hjortdal. Seinare vart det landhandelen og arbeidet med garden som tok mest av tida hans. Frå 1930-åra var det serleg dottera Hjørdis som stod føre drifta av handelsverksemda som seinare gjekk over til Johan Grebstad sin dotterson Ola Karlsen Flem. Sjå Hjortdal bnr. 14.

Son til Johan Grebstad skulle etter planen ta over bruket. Det var *Selmer Johansen Grebstad* (f. 1909, d. 1945) g. 1937 m. Kedy Petersdtr. Brunstad frå Øyane bnr. 6 f. 1915. Sjå også Hjortdal bnr. 2.

Born: Oddveig f. 1938 g.m. H. Aanes frå Straumsnes. Johan f. 1941, g. på bruket.

Selmer Grebstad dreiv lastebilkøyring. Han døydde tidleg, og sonen fekk skøyte på bruket. Det var

*Johan Selmersen Grebstad* f. 1941, g. 1957 m. Annlaug Kåresdtr. Hole Drabløs frå Bøtelgarden f. 1945.

Born: Kristin f. 1968. Steinar f. 1972.

Skøyte til Johan Selmersen i 1946 frå bestefaren Johan Grebstad for 4000 kroner og kår. I 1967 moderniserte Johan S. Grebstad stovehuset. Han arbeider i møbelindustrien.

#### GJERDEBAKK bnr. 10.

Dette stykket vart i 1916 utskilt frå Pålbruket bnr. 3 som Iver Olsen Hjordal i Larsgarden kjøpte i 1902. Gjerdebakk fekk 0,60 mark i skyld,

*Iverine Iversdtr. Hjorthol* frå Larsgarden (f. 1886, d. 1934) ervde dette stykket. Ho bygde stovehus og løhus i 1933.

Bror hennar tok over då ho døydde. Det var

*Andreas Iversen Hjorthol* (f. 1889, d. 1967). Han var vegarbeidsmann, seinare vegvaktar. Dei siste leveåra var han på Sykkylven Kvileheim.

Brordottera og mannen hennar tok over denne eigedomen. Det var

*Arthur Hansen* frå Hareid (f. 1919, d. 1974) g. 1941 m. Ovidia Knutsdtr. Hjorthol frå Larsgarden f. 1919.

Br. frå 1953.

Born: Torbjørg Irene f. 1943 g.m. Geir Krogh Albertsen frå Ørsta, avdelingsleiar ved Vestlandske Salgslag i Ålesund. Hilde Karin f. 1947, husmorvikar. Astrid Lisbeth f. 1952, handelsutdanning.

Kjøpekontrakt til Arthur Hansen i 1953 frå Andreas Hjorthol. Arthur Hansen var sjåfør. Han var også ei tid eigar av ein grave-maskin som han dreiv anleggsarbeid med. Siste åra han levde arbeidde han på fabrikk.

#### BEDEHUSTUFTA bnr. 11. VELLEDALEN BEDEHUS.

Tomta vart utskild frå bnr. 9 (sjå under bnr. 5) i 1932 med skyld 0,01 mark. Peter Olsen Hjorthol på Plassen gav denne tomte nærast som gåve til *Velledalen Bedehus* som misjonsfolket i Velledalen hadde bygt

her i 1926. Johan K, Brunstad var bygnings formann. Bedehuset har vore samlingsstaden for misjonsfolket i Velledalen. Soknepresten har gudstenestlege møte i bedehuset, og sundagsskulen har fast møteplass her. Under krigen 1940 —1945 var kjellarhøgda utleigd til ein møbelfabrikk som stoppa møblar i lokalet. Sjølvve bedehuset vart utvida med eit tilbygg i 1960-åra. Det vart då laga ny inngang med garderobe. Møtesalen vart også opppussa.

MEIERIPLASSEN bnr. 12 • bnr. 15 + bnr. 21.

Meieriplassen bnr. 12 vart utskild frå bnr. 9 (sjå under bnr. 5) i 1932 med skyld 0,02 mark, med tillegg bnr. 15 med skyld 0,01 mark i 1949, og bnr. 21 i 1956 med skyld 0,01 mark.

*Velledalens Meieri* vart bygt i 1895 på ei tomt på nordsida av Storelva ved Brunstadbrua. Denne tomte, eller meieriplassen som ho vart kalla, fekk seinare bnr. 12 og vart seld i 1932 av Peter O. Hjorthol på Plassen til Velledalens meieri for 220 kroner med atterhald for seljaren til å ta og bruke alt gjødselavfallet på meieriet.

Det var på eit førebuande møte 3. desember 1894 det vart gjort vedtak om å bygge eit meieri for heile Velledalen. Alt 17. desember same året heldt dei første årsmøtet, og der vart lovene vedtekne. Dei fleste brukarane i Velledalen var med på dette tiltaket. Kvar skreiv seg på for så mange partar som han fødde kyr til året rundt. I 1895 kom det opp hus, og meieriet fekk vasshjul ved vestre gavlvegg. Innafor veggen stod kinna og separatoren. Gjennom ei veite frå Storelva og nedover Pe-bruket kom vatnet som drog vasshjulet. Like ovafor meieriet var det ein djup avkjølingsbrunn for mjølka. Separatoren fekk også «forvarmar» med termometer, og det vart innkjøpt ein ruvande stimomn med kjel og trykkmålar. Etter den tids målestokk var det eit moderne meieri Velledalen fekk.

Heile Velledalen stod samla om meieriet ved Brunstadbrua, og her vart det etter kvart eit nytt sentrum i dalen. Kvar yrkedag i 9—10-tida om føremiddagen kom mjølkekøyrarane med mjølka frå kvar sine gardar og køyrelag, både frå Øvre og Nedre Velledalen. Køyreplikta gjekk på omgang og mann-fram. Køyrekaren sette hesten på stallen medan han bar mjølka inn til meierska som målte henne og skreiv mjølkeliste. Separatoren surra og gjekk, og etter ei stund fekk køyrekaren att skummamjølka i spanna sine.

I den første tida laga meieriet smør av fløyten og eksporterte det til England.

Eksporten av smør til England fekk ein brå slutt då verdskrigen braut ut i 1914. Eit par år leverte Velledalen meieri smøret til eit firma i Oslo. Men i 1916 kom det eit ilbod frå lærar Engeset i Ålesund. Han handla med mjølk og baud seg til å kjøpe mjølka frå Velledalen. Meieriet valde ei nemnd på 8 mann til å tinge med Engeset og skrive kontrakt. Dei vart samde om 16 øre literen for søtmjølka, og leveringa tok til 1. september. I 1918 gjekk Velledalens meieri over til H. Gjævenes i Ålesund.

Åra som fylgde vart ein relativt roleg periode for meieriet, endå nedgangstida sette inn og prisane på landbruksvarer minka. Men så kom det opp stridsspørsmål innan meierilaget som førde til at samarbeidet vart sprengt.

På eit samrådsmøte som sunnmørsbøndene hadde skipa til i Ålesund i 1911, hadde dei drøfla ein plan om eit samarbeid mellom mjølkeleverandørane som kunne gjere dei sterke nok til å halde stødige prisar på mjølk og mjølkeprodukt på den lokale marknaden. Planen fekk ivrige tilhengjarar, ikkje minst i ytre deler av Sykkylven, og i 1918 gjekk eit stort tal bønder frå fjordbygdene og øyane rundt Ålesund saman om å kjøpe A/S Aalesunds Meieri som Rasmus Mork disponerte, og dei gjorde dette meieriet om til partslaget Sunnmøre Meieri. Dei som hadde partar, batt seg til å levere mjølka si til dette meieriet.

Frå Nedre Velledalen var det 3—4 gardbrukarar på Velle, 3—4 på Dravlaus og eit par på Fet som tok seg part i Sunnmøre Meieri. Men det vart ikkje lett for desse få brukarane å skipe ein overkomeleg mjølketransport til Ålesund, og til vidare fekk dei løyve frå Sunnmøre Meieri til å levere mjølka si til Velledalen meieri. Etter kvart spissa det seg til mjølkekrig mellom Sunnmøre Meieri og dei private mjølkehandlarane i Ålesund, og Sunnmøre Meieri skjerpa påbodet til parteigarane om å halde seg til vedtektene. Det vart då skipa eit køyrelag av dei få parteigarane på Velle, Dravlaus og Fet. Kvar dag frakta dei mjølka til båten i Straumgjerde, vinterstida om kvelden, og sommarstida om morgonen før båten gjekk kl. 7.

Frafallet skapte amper stemning og diskusjon i Velledalen meierilag. Den 14. november 1923 gjer så styret dette solide vedtaket: « — besluttades at alle leverandører får ikke tillatelse at forlate meieriet med sin melk uten gyldig grund, og dem som har

sluttet, om dem ønske at bejynde levering, skal underhandle med styret om levering. » —

Meininga var vel betre enn forma vedtaket fekk. Med Sunnmøre Meieri-leverandørane gjekk det ikkje betre enn at då sommaren 1924 kom, og kyrne skulle på setra, vart det store vanskar med mjølketransporten til Straumgjerde, og dei måtte bite i det sure eplet å gå attende til Velledalens meieri i setretida.

Sunnmøre Meieri i Ålesund såg på Velledalens Meieri med mjølka frå dette mjølkerike distriktet som ein stri medtevlar på søtmjølkmærknaden i Ålesund. Med tilskunding frå dei interesserte partane i Nedre Velledalen og meieristyresmenn frå Sykkylven kom Sunnmøre Meieri i 1924 med tilbod til Sykkylven om å bygge eit produksjonsmeieri her. Sunnmøre Meieri såg helst at produksjonsmeieriet vart bygt i Straumgjerde som den mest sentrale stad for mjølkeleveringa i Sykkylven den tida, men som eit serleg agn til Øvre Velledalen kunne meieriet tenkje seg å bygge så langt oppe i dalen som til Velle. Kvernhusnova vart vald som tenleg byggestad av den lokale tomteneemnda.

Tilbodet vekte stor interesse over heile bygda, også i Øvre Velledalen. Men etter kvart spissa det seg til strid om tomtestaden. I Øvre Velledalen var det sterk uvilje mot å flytte meieriet lenger ned i dalen enn det hadde vore for. Sunnmøre Meieri nekta å gå lenger opp i dalen enn til Kvernhusnova. Den 7. januar 1925 møttest partane til generalmøte på ungdomshuset i Velledalen. Salen var fullsett, og på galleriet hadde ungdomen samla seg. Det vart kjempa hardt frå båe sider, og det vart det beitaste ordskiftet som truleg har vore i Velledalen. Resultatet av generalmøtet vart at utkastet til kontrakt om produksjonsmeieri ved Kvernhusnova gjekk attende til Sunnmøre Meieri utan underskrifter, og styreformannen i Velledalens meieri fekk pålegg om å telefonere med H. Gjævenes for å få ei ordning om mjølkeprisen. Alt 13. januar var H. Gjævenes i Velledalen og skreiv kontrakt.

Sunnmøre Meieri gjorde nye freistnader på å kome på talefot med Velledalen. Men så kom det vanskar i vegen også med tomtespørsmålet på Kvernhusnova. Sunnmøre Meieri gjekk trøytt av striden, og la interesseområdet sitt til Stranda, som kort tid etter fekk produksjonsmeieriet til Sløgstad.

I Velledalen vart tilhøva som før. Partseigarane i Sunnmøre Meieri fekk levere mjølka si til meieriet i Velledalen om somrane medan dyra var på setra, men fekk 3 øre literen mindre for mjølka

enn dei andre. Seinare vart det fleire og fleire av gardbrukarane på Velle, Drabløs og Fet som byrja å sende mjølk til Sunnmøre Meieri i Ålesund, og då Fredrik H. Drabløs i slutten av 1920-åra kjøpte lastebil, tok han over mjølketransporten til Straumgjerde, også frå setrane i sommarstida.

I Øvre Velledalen skilde Ole L. Hole lag i 1925 og byrja med ysting i kjellaren sin. Seinare kom fleire av Holekarane med, og i 1932 kjøpte dei gamlemeieriet ved Brunstadbrua og sette det opp att som ysteri på Haugen på Hole.

Tida frå 1925 og framover ser ut til å ha vore ei relativt god tid for Velledaletis meieri, medan Sunnmøre Meieri arbeidde heller tungt. Smør- og ostemarknaden var overfylt i landet, og Sunnmøre Meieri måtte eksportere ein stor del av produksjonen sin til utlandet og til prisar som rådde der. Dei private mjølkehandlarane i Ålesund som for det meste selde konsummjølk og laga lite eller inkje smør og ost, greidde å betale meir for mjølka enn det Sunnmøre Meieri kunne gjere. I 1931 gjekk Sunnmøre Meieri til ein avgjerande mjølkekrig mot dei private mjølkehandlarane med å setje utsalsprisen på mjølk dugeleg ned. Denne striden varde heilt til 1934 då Sunnmøre Meieri tok over den siste store private mjølkeforretninga i Ålesund.

For Velledalens meieri som hadde hatt ei blomstringstid fram til 1931, kom mjølkekrigen som ein kjelke i vegen. Prisen på mjølka rausa nedover. Meierilaget var oppsplitta etter at Nedre Velledalen hadde gått over til Sunnmøre Meieri, og oppsitjarar på Hole hadde byrja med eige ysteri. Men Velledalens meieri hadde ikkje hug til å gi seg så lett. Gjennom nybygg og modernisering ville dei drive lønsemda opp att med eiga meieridrift. Gamlemeieriet vart rive i 1932 og nytt stort hus vart sett opp att. Det vart bygt i betong. Velledalens meieri heldt drifta gåande til 1936. Då fann parteigarane det lite føremålstenleg å halde meieriet oppe lenger, og gjekk så inn i Sunnmøre Meieri med mjølka si.

Meierihuset selde dei i 1943 til

*Olav Parr* frå Sunnylvn. Han hadde byrja med ein tresko og trevarefabrikk, Parr Klogg- og Trevarefabrikk, og hadde 5—6 mann i arbeid. Han betalte 36,000 kroner for denne eigedomen. Etterkrigen var slutt, flytte han til Trøndelag, og selde i 1948 denne eigedomen på Hjortdal til

*Velledalen Fabrikker A/S* for 23.000 kroner. Fabrikken heitte då Velledalens Lenestolfabrikk med Jon Hjortdal (bnr. 1) og

Fridtjof Drabløs (sjå under Straume bnr. 16) som eigarar. Dei byrja i møbelindustrien i 1941 og arbeidde første åra i Jørnkjellaren på Brunstad og i bedehuskjellaren på Hjortdal saman med verbror sin Hjalmar Brunstad (Straumgjerde bnr. 25). I 1946 byrja dei eiga møbelverksemd som har auka jamt i åra som fylgde. I 1974 hadde Velledalen Fabrikker A/S ca. 70 personar i arbeid.

Jon Hjortdal og Fridtjof Drabløs har utvida tomta til det gamle meierihuset både i 1949 og i 1956, og dei har sett opp nye, store tilbygg til huset. I 1972 bygde fabrikk ny moderne fabrikk på Straumsheim, og driv no både i dei gamle lokala på Hjortdal og i dei nye på Straumsheim. Produksjonen er stoppa møblar.

#### SOLSTAD bnr. 14.

Tomt, utskild frå Gjerdebakk bnr. 10 i 1947 med skyld 0,01 mark, *Hulda Johansdtr. Flem*, f. Grebstad 1903 (sjå Hjortdal bnr. 6) i 1925 m. Karl Olsen Flem frå Haram (f. 1900, d. 1927) kjøpte denne tomta av Andreas I. Hjorthol i 1947, og sette opp hus i 1949. Karl Olsen Flem var båteigar og fiskeskipper, og omkom på sjøen under ein storstorm 27. januar 1927. Etter nokre år på Flem flytte Hulda Flem attende til Hjortdal, og har arbeidd i forretninga som sonen driv. Formann i det lokale helselaget. Sonen

*Ola Karlsen Flem* f.1926 har handelsutdanning, og tok i 1948 over landhandelen i Hjortdalsgjerdet bnr. 6 som bestefaren Johan Grebstad hadde hatt. Ola Flem flytte så forretninga over til det nye huset som mor hans bygde, og driv handelen framleis. (Joh. Grebstads Eftf.)

#### SKOGLUND bnr. 16.

Utskild frå Pebruket bnr. 1 i 1949 med skyld 0,01 mark.

*Peder C. Skoglund* frå Steigen f. 1920 g. 1944 m. Milly Martinsdtr. Skogvold frå Leiranger f. 1920 kjøpte denne tomta i 1950 av Jon Hjortdal og bygde hus same året. Peder Skoglund er snikkar og arbeider på fabrikk.

Born: Roar f. 1945, politimann, g.m. Britt Larsen. Tor Åge f. 1948. Asle f. 1951. Even Jarl f. 1954. Mari Kristin f. 1958.



SOLVANG bnr. 19.

Stykket vart utskilt frå Larsbruket bnr. 2 i 1954 med skyld 1,13 mark.

*Petter Hjalmar Knutsen Hjorthol* frå Larsgarden bnr. 2 f. 1920 g. 1951 m. *Hildur Holmvåg* frå Steigen f. 1919, bygde stovehus i 1956 og løhus i 1968. Han arbeider i industrien.

Born: Anne Kari f. 1951. Knut Andreas f. 1955. Hallvard f. 1960. Karete f. 1964.

FJELLTUN bnr. 24.

*Helge Magnar Hovde* frå Voll i Romsdal, f. 1930, industriarbeidar, g.m. *Margot Sandnes* frå Ullensaker, f. 1929, bygde hus i 1963. Born: Reidun f. 1949. Kari f. 1951. Vigdis f. 1953. Odd Harald f. 1955. Rigmor f. 1960.

Bnr. 27.

*Bjørn Hallvard Melchlorsen* frå Hadsel, f. 1932 g. 1956 m. *Gerd Agnes Olsen* frå Hadsel, f. 1938, kjøpte tomt av Jon Hjortdal på bnr. 1 og bygde hus i 1965. Bjørn Melchiorsen er arbeidsformann ved møbelfabrikk.

Born: Bengt Harald (f. 1958, d. 1968). Arild f. 1960.

Morgonen 19. februar 1968 før folket var oppe, kom eit snøskred frå Storhella og sopte bort og knuste huset til pinneved. Eldste sonen. Bengt, omkom, dei andre vart berga. Bjørn og Agnes Melchiorsen har no bygt seg hus i Ura under Åsen, gnr. 4.

*Hallstein Ånes* frå Straumsnes, f. 1929, industriarbeidar, g. 1959 m. *Oddveig Lovise Selmersdtr. Grebstad* frå Hjortdal bnr. 6, f. 1938. Dei bygde hus i 1974. Born: Hallstein Magne f. 1959. Sigbjørn f. 1961. Hilde f. 1970.

## Brudevoll, gnr. 28. [\(Til innhald\)](#)

Namnet har vore skrive Bruaruolli i 1325, Bruwold i 1603, Brudewold i 1616, i 1617 Brudeuold, i 1626 og seinare Brudewold att både i 1666 og i 1724. I 1900-åra har det vore brukt både Brudevold, Brudevoll, Brøvold og Brøvoll. I dagleg tale i grenda har garden vorte kalla «Brøvølj», men den yngre generasjon synest å gå meir og meir over til å bruke namnet Brudevoll både skriftleg og munnleg. Forma Brudevoll saman med den noko eldre Brudevold vert utan unnatak nytta .som familienamn. Folket på garden ynskjer at forma Brudevoll også vert nytta som gardsnamn.

Garden grensar i sør mot Brunstad og Hole. Grenselina går for det meste etter Storelva. I aust støyter garden opp mot Lade si innmark og utmark. Bytelina i utmarka går etter Alnakkgrova, men bytegarden står på austsida av grova, fordi det er så mykje svaberg og ulendt terreng i rette bytet at det var vanskar med å få garden til å stå. I nord går bytet stort sett etter fjellrøra mot Strausdalsmarka. Og i vest grensar Brudevoll mot Hjortdal si bømark og utmark heilt til fjellrøra og Bytningsskaret.

Kundt 1900-årskiftet var det voner om bergverksdrift i utmarka eit stykke ovafor det gamle skulehuset ved Holebrua. Dei fann feltspat i Alnakken, og under leiing av verksmeisteren ved Aure Teglverk, Bjørhuus, gjekk dei i gang med å skyte ut steinmasse, 4—5 mann var med i arbeidet ved gruva. Dei bora med hande-makt. Steinen firte dei først på løypestreng ned til Jetmund-løvollen ved vegen. Der tok dei steinen att og køyrde han med hest til Straume der dei lasta han om bord i båtar som la til ved Storevoren.

Framdrifta vart både slitsam og dyr, og lønsemda var ring. Snart gjekk det heile i stå. August Musæus i Ålesund tok over rettane. Frå tid til anna har det vore synfaring til Alnakken, og det

har gått rykte om ny drift. Noko meir har det ikkje vorte til denne tid.

I januar 1910 fekk Øvre Velledalen rikstelefonstasjon på Brudevoll. Første styraren var Karl Johan Hanssen Brudevoll i Jetmundgarden. Etter han kom sonen Harald Brudevoll som styrar til 1973 då stasjonen vart lagd ned, og tenesta kom under sentralstasjonen Sykkylven på Aure. Skulehuset i Brøvoll krins har stått på Brudevoll ved Holebrua. Då heile Velledalen vart slegen til ein skulekrins, var det mange som heldt på Brudevoll som den heste skuleplassen i dalen, andre heldt på Dravlaus, og ei tredje gruppe heldt på Dalemyra. Etter ein lang strid fall valet på Dalemyra der det vart bygt ny skule i 1961.

Det gjekk ein god, gamaldags steingard i bytet mellom Brudevoll og Hjortdal frå riksvegen til utmarksgarden. Mot denne steingarden rende eit tysk kampfly som naudlanda på Brudevoll ein sundag under krigen i april 1940. «Vi hadde nett reist oss frå middagsbordet då far gjennom kammersglaset brått får auge på eit fly som kom skjenande tett over bakken med retning beint mot stovehuset vårt,» fortel Harald Brudevoll i Jetmundgarden. — «Far sprang ut på dørhella, og i det same høyrdest eit uhorveleg brak, og heile huset riste. Då vi kom ut, hadde flyet alt endå si ville ferd mot steingarden i hjortdalsbytet. Garden hadde flyet ført med seg mange meter vestover, men først hadde eine vengen slege av flaggstonga vår, kutta toppane av tuntrea, og så hadde flykroppen teke opp ei djup grøft før flyet endeleg stogga mot steingarden. Det var mange som såg flyet kome ned mot husa, og alle trudde det kom til å råke stova vår. Men føraren må i siste liten ha greidd å tvinge det litt over til venstre før det tok bakken, og det berga nok mange liv i Jetmundgarden den dagen,» seier Harald Brudevoll.

Det var dei allierte som skaut ned dette flyet under luftkamp. Det hadde eit mannskap på fire. Av dei var det to som overlevde. Dei kom seg uskadde ut av vraket som dei straks sette fyr på, og med eit maskingevær i hendene sprang dei til skogs. Lokale heimevernfolk vakta på dei om dagen og natta, men i mørkret tok dei seg fram til Velle, kryssa der dalen, gjekk over Storelva og heldt fram på vestsida av Fitjavatnet til Straumsheim og Riksheim der dei vart tekne til fange av engelske soldatar som hadde vorte bodsende frå Ålesund.

Det er rimeleg å tru at Brudevoll på same måten som granne-

garden Hjortdal er ein gard som har hatt busetting nokså langt bakover i tida. Men fornfunn i jorda som kunne vere med å stadfeste dette, er små. Einaste funn ein kjenner er ein eldstein. («Sykkylven i eldre tid I» s. 59). Ein jordhaug som liknar på ein gamal gravplass, ca. 9 m i tverrmål og ca. 1 m høg, ligg ca. 75 m ovafor riksvegen eit stykke vest for vegskilet til Hole. Jordhaugen ber namnet «Pengehaugen». Folk på garden meiner at namnet kjem av at her veks «pengegras». Haugen har ikkje vore opna.

Det kan ikkje vere tvil om at garden var godt og vel busett i 1325 då Herborg Bergthorsdtr. kjøpte seg og tenestekvinna si inn i bordhaldet til Krossbrørne i Nidaros med m .a. ein del av Brudevoll. Sjå under Eigarar. Men i Tiendepenninglista frå 1520 er det ikkje nemnt brukarar på Brudevoll. Dette kan tyde på at garden har vorte liggjande øyde etter Svartedauden i 1350. Først på 1600-talet var det 2 bruk. Det auka til 3 i 1620-åra, og slik heldt det seg til 1890 då småbruket Gjerdet bnr. 3 vart utskilt som eige bruk. I 1900 vart Jobruket brn. 2 delt, slik at først på 1900-talet var det i alt 5 bruk på Brudevoll. I seinare år har det vorte utskilt fleire tomter, serleg i austre delen av garden som vert kalla Brøvollsgjerdet.

Garden var småbytt fram til jordskiftet i 1918 då bruka vart utlagde slik vi finn dei i dag. Kvart bruk fekk bømarka si i eitt stykka. Solberg brn. 5 og Gjerde bnr. 3 vart med små unnatak som for. Slåtestykka i Brøvollsgjerda kom ikkje med i jordskiftet. Her er alt uendra, slik at Jobruket og Jetmundbruket har kvar sitt slåtestykke. Larsbruket har to.

Gamleåkrane låg spreidde over beste bømarka, både ova og neda den gamle postvegen. Jogarden hadde Dilane neda vegen sør for der husa står no. Her hadde også Larsbruket sin åker. Han låg mest midt i Dilane. Storåkeren sin hadde Larsbruket vest for husa. Jetmundbruket hadde Nedstehola og Øvstehola neda vegen, og i seinare tid Skogvollen ovafor nyeløa.

Truskereiskapane var tust og skeidd i eldre tid, slik som på dei andre gardane i bygda. Desse reiskapane har vore i løene heilt fram til våre dagar. Men i siste halvdel av 1800-åra fekk brukarane truskemaskinar som gjekk med vasskraft. Jetmundbruket nytta vatn ut frå ei grov som rann ned gjennom gamletunet. Dei bægde vatnet ut på flata, laga demning, og slepte det så ut for bakkekanten og ned til truskehjulet som hadde snor til løa og truskemaskinen. Dei måtte passe på å truske når det var flaum. Jotunet nytta

snor frå kvernkallen til løa. Men Larsfolket måtte for det meste drage maskinen med handemakt.

Kvernane har stått ved Storelva. Brudevoll hadde 2 kvernar i 1717, 1 kvern i 1770 og 1 «ny» kvern i 1791. I seinare tid var det 3 kvernar. Lengst aust stod Larskverna, omlag neda huset til Ivar Bjørke på bnr. 8. Så kom Jokverna som Solberg åtte i. Ho stod i bytet mellom Jobruket og Solberg. Til sides med henne stod Jetmundkverna. Dei to siste kvernane var brukande til 1930-åra.

I eldre tid hadde Brudevoll ein god del med utslåttar. Det var først og fremst Gjerda, den austlege luten av garden. Her hadde hovudbruka også skogaløer, og dei slo her til fram i 1950-åra. Dei rekna 3 vekers slått på 3 mann til kvart bruk. Kvart bruk hadde også teig i Rystebakken ova Solberg. Dei måtte over ei ur for å nå i teignne i Rystebakken. Difor meisa dei høyet ned i garden, og køyrde det med hest resten av vegen. Desse teigane slutta dei å slå rundt 1900. Same tid var det også slutt med slåttan i setremarka på austsida av riksvegen under Myrdalsfjellet. Hovudbruka hadde også hatt kvar sitt stykke med skogaløe der. Også desse stykka vart kalla Brøvollsgjerda. Dessutan hadde brukarane stølsstykkane sine på Myrdalen. Dette høyet køyrde dei heim på vinterføret. Gamle Hans Brudevoll på bnr. 3 slo årvisst i Grønli og fram i Litledalen. Folk kalla dette slåttestykket for Gjerdet hans Gjerde-Hans. Det låg ova skogavakset fram til bytet mot Lade. Hans bar kvar morgon med seg ljåar for ein dagsslått, stutturvar og langorvar. Graset meisa han ned om bøgarden, og bar det så i bær på ryggen resten av vegen, over 1 km, til løa.

Utmarka si hadde Brudevoll nord om bøgarden og til fjells. Her hadde garden både skogteigar og buhamn.

I eldre tid var det barskog i denne bergsida. Framleis står det att ei og anna fura mellom Kopperørene og vestover mot Heggebakkura (Gråura) på Velle. Den eine av dei, som lokalt vert kalla Rasmusfura eller Storefura, står ovafor Nausene. Ho er så stor at to vaksne menneske knapt femner henne. Etter tradisjonen vender solskuggen her ved vintersolkverv. Utan tvil har det vore tømmer av liknande dimensjoner også aust for Koppen i utmarka til Brudevoll fram i 1600-åra. Flaumsaga på garden er det likevel ikkje meldt noko om i denne tida. Men i 1769, då dei fleste andre flaumsagene i bygda hadde gått i stå etter den svære skogøydinga som hadde toppa seg først på 1600-talet, dukka det opp ei flaumsag på Brudevoll. Ho stod med heil damstokk på odels grunn,

heiter det i justisprotokollen. Seinare er det ikkje meir å finne om henne. Med skogen var det helst smått stell i hundreåret som fylgde. Først på 1800-talet var bergsida mest snøydd. Etter tradisjonen fann brukarane knapt brennefang til husbruk. Tilvoksteren har vore betre dei siste par mannsaldrane. I 1864 står det i matrikkelførearbeidet at garden hadde nok brennefang, og litt lauvskog til forsurrogat. Fram gjennom tida har brukarane slite fram også litt famneved til sal. Det voks litt bjerk ovafor urene. Etterjulsvintrar med tyldebre hende det at brukarane greidde å lage låm over urene der dei drog strangane ned til bøgarden. Men det leita på kreftene!

Skogen har vore bytt i teigar ein gong i tida, men ingen veit når. Truleg har det vore eit frivilleg skifte. Bytelinene var lenge uklare. Men så tok Severin Karlsen Brudevoll (1845—1902) føre seg å gå opp alle byte, og feste dei til papiret. Dette har vore ei god rettesnor for ettertida.

Attåt skogteigane nord for bøgarden Har Brudevoll også hatt skog i setremarka. Mykje av denne skogen var det vanskeleg å drive fram før den nye riksvegen til Myrdalen vart køyrande i 1930-åra. Desse teigane var sameige til 1927 då setremarka vart skift,

Skogplanting har det vore lite av på Brudevoll. Berre Jetmund-bruket har eit par felt Karl Johan Hanssen Brudevoll planta det første i 1911 på Hjellane og i Paradisskredene. Sonen Harald har i seinare år planta 4—3 tusen gran i Svaet. Større fart i plantings-arbeidet kan ein vel ikkje rekne med før utmarka vert bytt til eigedoms grunn.

Buhamna vart rekna for å vere nokolumle god i 1864. I den tida var det geiter på garden. Dei heldt renningsskogen ned åt. Men i 1890-åra tok talet på geiter til minke, og i 1911 var det slutt. Gjerdet bnr. 3 var siste bruket som heldt geit. I åra som har gått, er buhamna blitt mykje ringare. Hamna er for det meste attvaksen med åre og eine. Ikkje før er buskapen komen ut om våren, så er det matalaust. Både storfeet og småfeet strenar opp i høgda for å finne betre beite, kanskje heilt nord i Straumsdalen. Slike dagar er det vanskeleg for kyrne å bryte av måltidet og finne heim att til rett tid med eiga hjelp. For å spare folk for umakar er det turvande å kome på setra så tidleg som mogleg, oftast alt midt i juni månad.

Brudevoll gjette ikkje til vanleg storfeet i heimehamna. Men til

småfeet hadde dei gjetj. Sauene hadde visst tilhald i marka rundt Hjortdalskoppen og innover Straumsdalsrørene. Etter tradisjonen hadde dei rett til dette beitet i Straumsdalsmarka, men det finst visstnok ingen ting skrive om det, og ingen har heller fremja noko krav i så måte.

Setra hadde Brudevoll på Myrdalen saman med Hjortdal og Hole. Brukarane hadde både fjøs og sel her. Storfeet gjette dei. Det gjekk på omgang i grenda, to og to gjetlar i gongen, ein frå Hole og ein frå Hjortdal og Brudevoll. Ein dag var buskapen i Botnen, neste dag i Myrdalen og tredje dagen i Kleivdalen. På denne måten nytta dei best ut hamnegangen. Setremarka i Myrdalen med stølen kom under jordskifte i 1919. Det vart tvist om eigedomsretten til setra mellom Hole på den eine sida og Brudevoll og Hjortdal på hi. Saka gjekk heilt til lagmannsretten som i 1928 bytte hamna i to, slik at Hole fekk setrehamna for seg, og Hjortdal og Brudevoll for seg.

I seinare år har både heimhamna og Myrdalssetra vore lite i bruk anna enn til småfeet. I 1940-åra gjekk brukarane også på Brudevoll over til eit større og meir ytingsrikt storfe, først Vestlandsraudkolla, og i 1960-åra NRF-fe. Desse tungføre dyra høver ikkje så godt i dei bratte bergsidene med sleipe svaberg. Hamnegangane gir også for lite mat til å halde oppe produksjonen. Brukarane gjekk i staden inn for å lage kulturbeite, og det vart då først og fremst Brøvollsgjerda aust i garden dei tok fatt på. Elles har dei også delvis beitt på heimebøen.

Gamletnnet låg på flata på sørsida av riksvegen eit stykke ovafor bytet mellom Larsbruket og Jobruket. Den gamle bygdevegen gjekk gjennom tunet med Larstova og Jostova på nordsida og Jetmundløa, Jetmundstova og Jo-løa på sørsida. Under jordskiftet av innmarka i 1918 var utflyttinga frå gamletunet eit av dei spørsmåla som vakte største vanskaner. Jordskifte formannen Gerh. Grønningsæter gjekk sterkt inn for at kvart bruk skulle få heimebøen i berre eitt stykke. Men skulle jordskifteretten få til det, måtte både Larsbruket og Jetmundbruket flytte ut, med Jetmundbruket lengst mot vest til bytes med Hjortdal. Både Hans Karl Olsen og sonen Karl Hanssen i Jetmundgarden var sterkt i mot flytting og hevda i retten at den påtenkte tomte ut mot Hjortdalsbytet var farleg for fonn, noko som hadde synt seg vinteren 1917. Jordskifteretten kalla då, etter eit langt ordskifte, inn ein del eldre folk frå grenda For å høyre deira meining. Det dei vitna, var at fare for

fonn hadde vist seg der gamletunet no stod, men ingen kunne påvise nokon serleg fare der jordskifteretten hadde tenkt det nye tunet i Jetmundgarden. Jordskifteformannen gjorde det så klart kva føremoner det var for Jetmundbruket å få sin heimebø i eitt stykke, men sa også klart frå at jordskifteretten ikkje ville tvinge nokon mot sin vilje til å flytte. Etter dette la retten fram nye planar som synte korleis tilhøva ville bli utan utflytting. Brukarane på Brudevoll lika ille den nye planen, og resultatet var at alle utan unnatak valde den opphavlege planen med utflytting for Larsfolket og Jetmundfolket, Jotunet har også kome til nye tufter eit stykke mot nordaust sidan den tid.

Næringsgrunnlaget på Brudevoll ned gjennom tida har vore åkerbruk og feal. Etter tradisjonen har garden vore ein av dei beste korngardane i denne delen av bygda. Det synte seg også under siste krigen 1939—1945 då folk måtte legge seg etter å dyrke korn. Her på Brudevoll fekk dei fin både havre, bygg og kveite. Grøda vert etter måten tidleg mogen på Brudevoll, slik at garden som oftast ligg eit hestehovud framom dei andre gardane i grenda både i slåtten, potet- og skuronna. Alt i 1724 heitte det om garden at han var viss til korn, og han var også lettbrukt. Same vitnemålet gir ei jordbruksmelding frå 1802. Brudevoll har også hatt ein god del dyrkande jord som dei par siste generasjonane har lagt ned mykje arbeid på. Då såleis Solberg bnr. 5 vart delt frå Jobruket bnr. 1 i 1900, fekk det nye bruket mest berre udyrka jord. Den nye eigaren, Andreas Solberg, la ned eit kjempearbeid med jorda, og han dyrka opp mest heile garden. Sonen Arne har halde fram i same lei. Også dei andre brukarane har dyrka godt opp gardane sine og alle bruk er i drift.

Buskapane har vore etter måten store. I 1864 fødte dei på kvar gard om lag 12 storfe, 24 småfe og 1 hest. Det kunne bli i minste laget med mat til dyra ut på vårparten, og det var ikkje uvanleg at brukarane smia bork, serleg rognebork, til feet. Somrane hogg dei lauv som dei batt saman i kjørva og tørka til småfeet. Severin Brudevoll i Jogarden var ein av dei som dreiv mykje med det. Han hadde som oftast ein og stundom to drengar på bruket, så dei var godt hjelpa til slikt ekstra arbeid. Elles såg brukarane seg gjerne om etter attåtinnkomer utanom garden.

Såleis var det skikken her som på dei fleste andre gardane i bygda at karar som det var tak i, dreiv vinterfiskja. Fleire av karane på Brudevoll hadde også båt og naust på Straume. Helst



var det sameige med eit granne eller slektning. Jogarden bnr. 1 hadde part i båt og naust, sameleis i Jetmundgarden som åtte naust og båt saman med Olafolket på Hole. I Larsgarden var det også duganede fiskarar. Fleire unge menn frå denne heimen bleiv på havet.

Først på 1900-talet byrja utvandringa til USA. Relativt mange reiste frå Brudevoll, såleis 5 av 7 born i Gjerdet bnr. 3. Somme slo seg ned i Amerika, andre kom heim og tok over bruket. Industrireisinga i bygda frå 1930-åra stogga denne straumen til USA. Fleire og fleire fekk seg arbeid på fabrikkane, og i Øvre Velledalen vart arbeidsvegen kort etter kvart som det kom fabrikkar også i denne delen av Sykkylven. I 1938 starta Arthur Synnes saman med verbrørne Karstein og Lars Brunstad frå Hole bnr. 2 ei verksemd som fekk namnet Steinland Trevarefabrikk. Sjå bnr. 13. Som ei fylgje av industrireisinga som skapte gode arbeidsplassar vart det spurnad etter tomter for bustadhus i grenda. På Brudevoll kom det opp mange nye hus frå siste halvparten av 1940-åra, og folketalet voks. Fleirtalet på garden har no hovudyrket sitt i industrien, andre er i serviceteneste eller arbeider i transportsektoren. Men det er også att gardbrukarar som får inntekta si frå garden som dei held i god hevd. Sjå meir under Brukarar.

#### MATRIKKELGARDEN.

Brudevoll skatta i eldre tid som halv gard. Skylda var 3 våger fiskeleige i 1626, men auka i 1650-åra til 3½, våg 1 pd. 9 mrk. Landkonimisjonen i 1661 la på til 4 våger 9 mrk., og dette stod ved lag til 1838 då det vart ny skyld: 7 dlr. 3 ort 3 skl., rev. 1890 til 13,32 skyldmark.

Leidangen var 6 kalvskinn i 1609. Til dette kom eit kalvskinn som Elling husmann la. I 1620 var leidangen 1 geitskinn og 2 kalvskinn, og frå 1666 auka til 2 geitskinn. Leidangen i 1705 var 2 ort, og i 1717 1 rdl. 5 skl.

Tienda av garden i 1666 var 3½ t. og 1 mæle havre, 1 mæle bygg og 2 pd. ost. I 1717 var tienda 4 t. 4 skp. bygg og 2 pd. ost eller 72 skl.

## EIGARAR.

I eit brev frå 18. februar 1325 vert det fortalt om ei Herborg Bergthorsdtr., som truleg var dotter til Bergthor (Berdor) i Vik, at ho kjøpte seg og tenestekvinna si inn i bordhaldet til Krossbrørne i Nidaros mot å gi 3½ månadsmatabol i Apalset, 6½ i «Bruaruelli i Sykkylven og 13 i Leira i Hjørundfjord. 6½ månadsmatabol av Brudevoll kan svare til om lag halve garden samanlikna med skylda først på 1600-talet.

Hovdingætta som Herborg var av i Vik, har kanskje ervt Brudevoll til liks med mykje anna jordegods etter Kollbjørn på Greipstad og Ingebjørg Pålstdr. frå Aure gjennom Arne på Korsbrekke og Solveig Gamlesdtr. på Velle si line.

Brudevoll kom seinare under Rosenkrantzgodset med unnatak av ½ mællag som Sykkylven kyrkje åtte og hadde landskyldrett av. I 1710 stemnde sorenskrivar Henning Castberg oppsitjarane på Brudevoll til tings fordi dei ikkje hadde betalt landskyld av dette halve mællaget på 23 år. Oppsitjarane møtte, og hevda saman med ålmugen at kyrkja ikkje åtte 9 mrk. i Brudevoll. Kyrkja var likevel skriven som eigar av dette halve mællaget så seint som i 1802.

Hovudparten av Brudevoll gjekk i første halvdel av 1600-åra over til borgarmeister Rasmus Larsen Stud i Bergen. Arvingane hans stod lenge som eigarar, truleg har dottera Margrethe i Hanken g. 1. m. Henning Hansen Smith på Giske, g.2. m. borgund-presten Christopher Hierman vore den som stod for styret. Ca. 1080 kjøpte Lars Olsen Abelset denne parten, og frå han gjekk det i 1690-åra til sonen Ole Larssen Abelset, lensmann i Valde skipreie. Sonen Mats Olsen Abelset ervde Brudevoll ca. 1711. Han gifte seg med ei enkje på Larsnes og var handelsmann der til han døydde i 1719. Brordottera Anne Larsdtr. Abelset g. m. sorenskrivar Jens Jørgensen Heyde, tok så over som eigar av Brudevoll. På auksjonen etter sorenskrivar Heyde i 1745 kjøpte Anne sin farbror denne jordeigedomen. Det var Christopher Olsen Abelset g. m. Charlotte Andreasdtr. Møller. Son deira, Henning Martin Abelset, var kjøpmann, og han åtte desse 4 vågene i Brudevoll i 1780-åra og utover til 1796 då han tok opp eit større lån og pantsatte mykje jordegods, m.a. Brudevoll. Kort tid etter gjekk garden over til handelsmannen Nils Wind på Taskeberget i Ålesund. I skiftet etter han i 1799 ervde sonen garden. Denne sonen heitte også Nils Wind. Han flytte til Molde, men både han og

kona drukna nokre år seinare. I skiftet etter dei i 1810 ervde dotter deira, Barbara Henrikke, jordeigedomen på Brudevoll. Ho gifte seg med kaptein Ludvig Daae på Solnør, og han selde seinare ut dei einskilde bruka. Sjå meir under Brukarar.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

1626: Då var der 2 mann. Sår 8½ t. korn.

1658: 3 mann. Dei skatta av 3 hestar, 26 kyr, 1 okse, 18 sauer og 14 geiter.

1661: Brennefang og firevedskog.

1666: 3 mann. Sår 12 t. Avlar 40 t. Fôrar 3 består og 36 naut.

1717: 3 mann. Sår 9 t. havre og 2 t. bygg. Avlar 40 t. havre og 6 t. bygg. Fôrar 3 hestar og 36 naut. Brennefang. 2 små kvernar.

1724: 3 mann. Sår 9 t. havre og 1½ t. bygg. Avlar 36 t. havre og 7½ t. bygg. Garden ligg ¾ mil frå sjøen. Lettdriven. Viss til korn. Garden har seter.

1802: Brennefang. Sommararbeite for buskapen i innmarka og tilhøyrande seterdal. Årviss kornavling.

1845: 3 mann. 5 tenarar. 6 born. Sånad: 9 t. bland-korn, 12 t. havre, 6 t. poteter. Buskap: 3 hestar, 27 kyr, 54 sauer og ti geiter.

1864: Garden har mindre viktige fjell- og utslåttar, brennefang til husbruk, litt lauvskog til forsurrogat, jord til oppdyrking, er lettbrukt. Hamnegangen er «nogenlunde» god på alle måtar. Det er lett å nå i vegen, men langt til sjøen.

1875: 3 mann. Fôrar 3 hestar, 2 unghestar, 27 kyr, 11 ungdyr, 85 sauer, 15 geiter og 3 svin. Sånaden var ½ t. bygg, 9 t. bl.korn, 13½ t. havre, 11 t. poteter og 4 ar med rot-frukt.

#### BRUKARAR. JOGAKDEN bnr. 1.

Dette bruket er nemnt først ca. 1620, men det er mogleg at det tidlegare har vore eit småbruk.

*Elling* skatta som husmann på Brudevoll frå 1609 til ca. 1615. Han la 1 kalvskinn i leidang.

*Jon Larssen* (f. ca. 1586, d. etter 1666).

Br. ca. 1620—ca. 1660, sidan halve bruket nokre år,

Første åra skatta Jon som husmann. Seinare auka bruket hans slik at det vart jamstort med dei andre på Brudevoll, og i 1658 hadde han største buskapen med 1 hest, 10 kyr, 8 geiter, 9 sauer og 1 okse. I 1661 hadde Jon skulda grannekona for at ho hadde stole høy frå han, og mannen hennar, Ole, stemmde Jon for retten. Han og sonen Peder hadde jamvel slege Ole med ein staur og ein kjepp. Jon kunne ikkje «synderlig» gå frå den saka, men klaga over at han sjølv hadde fått hogg av Ole sine drenger. Retten dømde Jon til å betale 2 rdl. i bot.

Sonen

*Peder Jonsen Brudevoll* (f. ca. 1629, d. etter 1701),

Br. ca. 1660—ca. 1710, det meste av tida halve bruket.

Første tida var han saman med far sin, og frå 1690 saman med sonen

*Jon Pedersen Brudevoll* (f. ca. 1667, d. 1751) g. ca. 1720 m. Synnøve Salmundsdr. d. 1760, då 80 år gamal. Han var truleg enkjemann i 1720.

Bygselbrev på 2½ mællag i 1690 frå Ole Larssen Abelset frå ca. 1710 dreiv han heile bruket. Han fekk nya opp att festebrevet sitt i 1720 på 5 ½ mællag frå Christopher Abelset. Jon fekk ord på seg for å vere ein urimeleg kar både mot mor si og andre som fekk noko å gjere med han. I 1708 kom han for retten fordi han hadde sagt at han hadde hatt lekamleg omgang med ei jente frå Brunstad. Dette var lygn. Året etter vart han stemnd for løn og klede som han ikkje hadde ytt Gunnhild Pedersdr., tenesttausa si 4 års løn 3 rdl. 12 skl. «Oplet Efne» 1 mark 8 skl. (Oplet tyder eit snøreliv, den finare overdelen av ein serk når han er sydd av to sortar lerret, — eller ein halvserk til å ha over ein grovare), 4 års hovudplagg 3 mrk. Løn for 10 veker 4 mark 8 skl. Sakskostnader 3 mark danske. Jon vart dømd til å betale, men han greidde ikkje ut bota, og då sakefallspaktaren og fullmektigen til fogden noko seinare kom til gards for å pante, vart det huskestove. Jon vart fykande sint og truga med både det eine og det andre. «Røyver de det minste av buet mitt, kjem det til å hende ei ulykke i denne dag», sa han,- «sjølv om eg skulle slå i blod «til mine skor». Eg har ei børse og ein kårde, og skal vere god som tre mann.» På nytt måtte Jon i retten, og han måtte stille to mann som kausjon for seg.

Sonen

*Peder Jonsen Brudevoll* (f. ca. 1714, d. 1762) g. 1746 m. Anna Pedersdtr. Hjortdal (f. 1724, d. 1782).

Br. 1746—1763.

Bygselsetel i 1746 på 5½ mællag frå Christopher Abelset. Peder var lagrettemann. Enkja Anna Pedersdtr. gifte seg att 1766 med

*Iver Sjursen Storem* frå Stordal (f. 1733, d. 1764).

Bygselsetel i 1763 frå Christopher Abelset på 1 våg 1 pd. 3 mrk. Skiftebuet hans i 1765 hadde ei brutto eige på 34 rdl. Gjelden var 10 rdl. Enkja Anna Pedersdtr. gifte seg att 1766 med

*Jon Jonsen Lade* (f. 1737, d. 1809).

Br. 1766—1786.

Jon var lagrettemann. I 1768 melde han Jon Larssen Hjellereite som hadde selt han ein «lytefri» hest som synte seg å vere sprengd. Skiftebuet etter kona Anna Pedersdtr. i 1782 synte ei brutto eige på 22 rdl. Gjelden var 5 rdl. Skiftebuet etter Jon i 1809 hadde 41 rdl. i brutto eige og gjelden var 10 rdl.

Versonen til Peder Jonsen og Anna Pedersdtr. tok over bruket. Det var

*Peder Iversen Velle* (f. 1747, d. 1802) g. 1783 m. Kari Pedersdtr. Brudevoll (f. 1748, d. 1834).

Br. 1786—1809.

Peder la kår til Jon Jonsen frå 1786. I 1795 var Peder vitne i ei åstadsak mellom Brunstad og Velle om Vellesesterdalen. Han nemner her «Sætterhusene som hans Fader fløttede», og at han hadde tent på Velle. Han var lagrettemann. I 1802 fødde han 1 hest, 10 storfe, 26 småfe, og sånaden på bruket var 3 t. havre og 1½ t. bl.korn. Bruket var verdsett til 198 rdl.

Sonen

*Knut Elias Pedersen Brudevoll* (f. 1786, d. 1853) g. 1809 m. Tyri Andrine Jørgensdtr. Hjortdal frå Jørngarden (f. 1789, d. 1878).

Br. 1809 - 1831.

Bygselsetel frå Barbro Fredrikke Wind i 1809 på 1 våg 1 pd. 3 mrk. Knut Pedersen var lagrettemann og skreiv med eiga hand.

Versonen

*Ingebrigt Olsen Brunstad* frå Jørngarden (f. 1801, d. 1877) g. 1832 m. Johanne Petrine Knutsdtr. Brudevoll (f. 1810, d. 1877).

Br. 1831—1858.

Byggselsetel i 1831 frå løytnant Daae g.m. Barbara Hendrikka Nilsdtr. Wind som i 1810 ervde dette bruket etter foreldra sine. Kår til Knut og Tyri Brudevoll. Ingebrigt la av eiden til Grunnlova i 1837 og fekk stemmerett. Han var lagrettemann og var skrivekunnig. I 1842 kjøpte Ingebrigt ein gard på Lade (Olagarden bnr. 6) og åtte denne garden til 1874. I Jogarden var buskapen i 1865 1 hest, 11 kyr, 17 sauer og 4 geiter. Sånaden var  $\frac{1}{8}$  t. bygg, 3 t. bl.korn, 4 t. havre og  $2\frac{1}{2}$  t. poteter.

Sonen

*Knut Severin Ingebrigtsen Brudevoll* (f. 1840, d. 1870) g. 1867 m. Anne Amundsdtr. Velle frå Åmundgarden (f. 1850, d. 1939),

Br. 1868 -1872.

Barn: Jensine f. 1868 g.m. Iver Andreassen Velle i Jakobgarden.

Eigaren av Jobruket, kaptein Daae på Solnør, hadde i 1864 makeskift dette bruket med Sivert Larssen Grebstad i Gammelgarden. Sonen Johan Sivertsen som vart gift til Bakken bnr. 12 på Aure, ervde dette bruket, og det var enkja hans, Jensine Larsdtr. som i 1868 gav byggselsetel til Knut Ingebrigtsen Brudevoll. Knut Ingebrigtsen kom ikkje til å bruke garden lenge. Først på nyåret i 1870 låg han ein morgon død i senga si. Enkja Anne Amundsdtr. ervde m.a. halvparten av eit «stavenaust» ved sjøen i Straumen. Ho gifte seg i 1872 opp att med

*Severin Karlsen Drotninghaug* (f. 1845, d. 1902),

Br. 1872—1896.

Born: Karoline f. 1873 g. på bruket, Johanne f. 1875 g. 1897 m. Peder Rasmussen Engeseth på Stranda. Anna f. 1880 g.m. Andreas Framhus. Sjø Brudevoll bnr. 5. Karl f. 1882 g.m. Pauline Jonsdtr. Dale frå Norddal. Sjø Aure bnr. 27. Ole f. 1884 g. 1922 m. Berte Larsdtr. Fet Utvs. nr. 207 og 376. Lauritz f. 1886 g. 1. m. Inger Petersdtr. Aurdal frå Nilsgarden, g. 2. m. Hanna Hansdtr. Brudevoll frå Jetmundgarden. Utvs. nr. 206. Sjø Nakkegjerd bnr. 1. Daniel f. 1891. Utvs. nr. 205.

Severin Karlsen fekk byggselsetel i 1872 frå Petter Andreas Olsen Aure som hadde gift seg med enkja Jensine Larsdtr. på Bakken. Med bygselen fylgde atterhald om at Jensine Knutsdtr. som Anne Amundsdtr. hadde frå første ekteskap, hadde retten til å ta over bygselen av halve bruket når ho vart 20 år gamal. Severin sat som bygselmann til 1888. Då løyste han ut halve bruket for 2000 kroner av Peter Andreas Olsen Aure. Resten hadde Severin fram-

leis på bygsel. I 1890 vart den gamle skylda på bruket, 2 dlr. 2 ort og 17 skl., revidert til 4,44 skyldmark. Severin fødde i 1875 1 hest, 7 kyr. 3 ungdyr, 18 sauer, 4 geiter og 1 gris. Dessutan la han kår. Den tidlegare brukaren Ingebrigt Olsen og kona Petrine hadde rett på for til 3 kyr, 1 ungdyr, 8 sauer, og «gamlekona» Tyri Jørgensdtr. hadde 1 ku, 2 sauer og 2 geiter. Sånaden på bruket var 3½ t. bl.korn, 5 t. havre, 4 t. poteter, og dessutan hadde Severin 2 ar med rotfrukt. Han bygde nye hus på bruket. Ved sida av arbeidet med garden, var Severin lærar (Skule-Severin). Han var serleg kjend for dugleiken sin til å undervise i kristendomsfaget, sjå «Sykkylven i eldre tid I», s. 338.

Versionen

*Jens Larssen Hjorthol* frå Pålgarden (f. 1863, d. 1931) g. 1892 m. Karoline Severinsdtr. Brudevoll (f. 1873, d. 1959).

Br. 1896—1931. Frå 1900 berre halve garden.

Born: Laura f. 1894 g. 1920 m. Rikhard Moltu, Herøy. Anna Lovise f. 1896 g. på bruket. Severin f. 1898. Utvs. nr. 201. Marie f. 1902 g. 1937 m. Alf Løvik frå Tresfjord. Oskar f. 1905. Utvs. nr. 200. Bergit f. 1908 g. 1938 m. Ingvald Kjersem frå Tresfjord.

Jens Larssen tok i røynda over garden alt frå han gifte seg i 1892. Han fekk skøyte frå verfaren i 1896 på halve bruket for 1.500 kroner og kår. I 1900 vart Jobruket delt, og kvar part fekk 2,22 mark i skyld. Jens vart sitjande med den halvparten han hadde fått skøyte på, den andre halvparten overtok verbror hans, Andreas Framhus. Sjå Solberg bnr. 5. I Jens Larssen si brukstid var det skifte av innmarka på Brudevoll (1918). Han la ned eit godt arbeid på bruket. Om vintrane dreiv han fiskja, eller arbeidde på tranbrenneri.

Versionen

*Oskar Larssen Hole* frå Jørngarden f. 1896 g. 1927 m. Anna Lovise Jensdtr. Brudevoll f. 1896.

Br. frå 1931.

Oskar Hole hadde vore to gonger i USA. Utvs. nr. 599. Han sette opp nye hus eit stykke aust for gamletunet på nordsida av riksvegen. Stova bygde han i 1932, og løa året etter. Han dyrka ein heil del jord m.a. i Gjerda, og snudde om gamal voll. I 1927 kjøpte han lastebil. Det var same året som Fredrik H. Drabløs kjøpte sin. Berre P. S. Hjorthol i Hjortdalsgjerdet hadde hatt lastebil i Sykkylven før. Oskar frakta både varer, fe og folk på lastebilen sin som han monterte kalesje på. Han hadde også stop-

på setene med ryggstø når han kørde folk, anten det no var til kyrkje eller på søndagstur. Oskar Hole var den første som monterte snøplog på lastebilen i denne bygda, og han hadde snøbrøytinga av riksvegen i mange år.

I seinare år har Oskar og Anna Hole drive bruket saman med systerson til Anna,

*Jon Moltu* f. 1930 på Moltustranda. Han eig lastebil og driv anleggskøyring.

## LARSGARDEN bnr. 2.

*Peder Pedersen* d. ca. 1634. Br. 15.—ca. 1634.

*Enkja* sat med bruket nokre år. Ho heitte truleg Berte. I 1635 er det nemnt at ho hadde mange små born, og var «meget udarmet.

*Peder Pedersen Brudevoll* (f. ca. 1606, d. etter 1666),

Br. ca. 1637—ca. 1660, sidan halve garden nokre år.

I 1638 fekk han ½ dlr. i bot fordi han slo grannen sin eit «Næsehough». Peder skatta i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 2 geiter og 3 sauer.

Sonen

*Peder Pedersen Brudevoll* (f. ca. 1640, d. 1723).

Br. halve garden frå ca. 1660, sidan heile til ca. 1690.

Det kan sjå ut til at Peder gir opp bruket. Då han døydde i 1723, vart han kalla husmann. I 1710 var han svært fattig, og det vert opplyst på tinget at han og Knut Rasmussen Gjerde «betler sitt brød, saasom det i dette skibrede hverken ved fiskeria eller andet kan være noget at fortjene.»

I 1701 er det ein Peder Pedersen som er dreng på dette bruket. Han er soldat og 34 år gamal. Det er uvisst om dette er sonen.

Etter Peder kom

*Ole Knutsen* (f. ca. 1659, d. 1714) g. 1. m. Marit Pedersdtr. d. 1695, g.2. m. Anne Pedersdtr.

Br. ca. 1690—1716.

Ole skatta av 5½ mællag. Skiftebuet etter førstekona Marit i 1695 hadde 28 rdl. i brutto eige. Gjelden var 13 rdl. Ole sitt bu i 1714 synte ei brutto eige på 68 rdl. Gjelden var 33 rdl.

Etter Ole kom

*Nils Olsen* (f. ca. 1673, d. 1733) g. m. Marte Pedersdtr. (f. ca.



1676 d. 1723) g. att 1724 m. Ingrid Bottolfsdtr. (f. ca. 1686, d. 1755).

Br. 1716-- 1734.

Bygsdsetel i 1716 frå Christopher Olsen Abelset på 5½mællag.

Enkja Ingrid Bottolfsdtr. gifte seg att i 1734 m.

*Elling Ellingsen Dravlaus* frå Ellinggarden (f. ca. 1711, d. 1772) g-2.

1756 m. Marte Hansdtr. Fet frå Hansgarden (f. ca. 1715, d. 1761) g.3.

1762 m. Else Hansdtr. Erstad f. 1730.

Br. 1734—1775.

Bygselsetel i 1734 frå Christopher Abelset på 5 mællag 9 mrk.

Elling var lagrettemann. Skiftebuet hans i 1772 synte ei brutto eige på 77 rdl. Gjelden var 57 rdl.

Enkja Else Hansdtr. gifte seg att 1775 m.

*Anders Olsen Moe* (d. 1777) som i 1758 hadde bygsla eit lite bruk på Hole. Han fekk bygselbrev på Larsbruket frå enkja Charlotta Amalia Abelset i 1775, men døydde berre eit par år seinare. Skiftebuet hans i 1777 var fallitt.

Larsbruket gjekk no over til

*Knut Anderssen Opshaug* f. Opsvik på Stranda 1732, d. 1785) g.1.

1755 m. enkja Helga Larsdtr. Opshaug (f. Sve 1724, d. 1769) g.2.

1770 m. Synnøve Pedersdtr. Kjølås (f. 1744, d. 1798).

Br. 1778—1786.

Knut hadde tidlegare brukt Framigarden på Opshaug. Han fekk bygselbrev på Larsbruket frå Abelsetervingane i 1778. Knut var lagrettemann. I skiftet etter Knut i 1785 vert det nemnt 6 born. Skiftebuet hans hadde ei brutto eige på 104 rdl. Gjelden var også 104 rdl.

Enkja Synnøve Pedersdtr. gifte seg att 1786 m.

*Sjur Ingebrigtsen Oplendskedal* frå Geiranger (f. 1750, d. 1810) g.2.

1799 m. Anne Iversdtr. Hole frå Sunnylven (f. ca. 1754, d. 1813).

Br. 1786—1807.

Bygselsetel frå Henning Abelset i 1786 på 5 ½ mællag. Sjur var lagrettemann. Han flytte i 1807 til Tjønes. Sjå Sjurgarden bnr. 2. I skiftet etter førstekona Synnøve i 1798 synte buet ei brutto eige på 147 rdl. Gjelden var 137 rdl,

Larsbruket gjekk over til

*Lars Ingebrigtsen Gjørva* frå Geiranger (f. ca. 1772, d. 1842) g.1. 1805 m. Olave Olsdtr. Myklebust, Andersgarden, Stranda (f.

1783, d. 1812) g.2. m. Gunnhild Torsdtr. Møll frå Geiranger (f. ca. 1781, d. på barsel 1821) g. 3. 1822 m. Anne *Marta* Jakobsdtr. Fet frå Hansgarden (f. 1801, d. 1866).

Br. 1808 -1843.

Bygselsetel i 1808 frå Barbara Henrikka Wind på 1 våg 1 pd. 3 mrk. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Lars også handel med landmannsvarer. I 1824 var han medhjelpar i kyrkja, og skreiv under visitasprotokollen med førd penn. Våren 1829 skaut Lars Ingebrigtsen Brudevoll og Nils Eliassen Brunstad ein bjørn, men dei fann han ikkje att før ut på hausten. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på dette bruket, 1 våg 1 pd. 3 mrk. revidert til 2 skylddlr. 2 ort og 17 skl. Skiftebuet etter Olave Olsdtr. i 1812 hadde 1458 rdl. i brutto eige. Gjelden var 629 rdl. Skiftebuet etter andrekona Gunnhild Torsdtr. i 1821 hadde 180 spd. i brutto eige. Gjelden var 79 spd.

Enkja Anne Marta Jakobsdtr. gifte seg att 1843 med

*Lars Andreas Olsen Blindheim* frå Larsgarden (f. 1812, d. 1850).

Br. 1843—1845.

Lars løyste ut bruket av kaptein Daae i 1843 for 500 spd. og var dermed sjølveigar. Han la av eiden til Grunnlova i 1845 og fekk stemmerett.

Lars Olsen brukte ikkje lenge garden. Alt i 1845 gjekk han og kona over på kår og bygsla bort garden. I skiftet etter Lars i 1852 ervde brorson hans, Ole *Andreas* Olsen Blindheim, halve garden. Ole *Andreas* flytte seinare til Utgård. Den andre halvparten ervde Lars si enkje, Anne Marta Jakobsdtr. Ho gifte seg att 3.g. 1851 m. enkjemann Amund Larssen Tandstad i Pålgarden bnr. 4. Det var bror hennar som hadde bygsla bruket:

*Lars Johannes Jakobsen Fet* (f. 1819, d. 1887) g. 1845 m. Anne Eline Berntsdtr. Dravlaus frå Ellinggarden (f. 1824, d. 1886).

Br. 1845—1875, sidan halve garden til 1884.

Born: Jens f. 1845, hadde ei tid halve bruket. Severine f. 1847 g. m. Elling Karlsen Drotninghaug i Larsgarden. Lovise f. 1852 g.m. Bastian Jakobsen Hole. Sjø Grebstad, Bastiangarden bnr. 20, Bastian f. 1854, brukte nokre år halve garden. Hans Jakob Lauritz f. 1856. Oline f. 1860, g. på bruket. Johan f. 1871, hadde bruket sist.

Bygselsetel frå Lars Olsen til Lars Jakobsen i 1845. Då Anne Marta Jakobsdtr. som åtte halve garden, døydde i 1866, ser det ut til at broren Lars Jakobsen ervde gardparten hennar. I 1875

fødde Lars 1 hest, 1 unghest, 8 kyr, 4 ungdyr, 27 sauer, 5 geiter og 1 gris. Sånaden var ½ t. bygg, 3 t. bl. korn, 4 ½ t. havre og 3 t. poteter.

Lars gav i 1875 opp bygselen av halve bruket til sonen

*Jens Larssen Brudevoll* (f. 1845, d. 1876) g. 1875 m. Anne Severine Petersdtr. Straumsheim frå Nymarka (f. 1838, d. 1926).

Bygselsetel på halve garden i 1875 frå Ole *Andreas* Olsen Utgård. Jens var rekna som eigar av halve buskapen som var på garden i 1875. Året etter døydde Jens. Enkja Anne Severine gifte seg att 1878 m. enkjemann Peder Olsen Eidem i Pålgarden (Fausa-garden) på Eidem.

Bror til Jens tok over gardparten han bygsla. Det var

*Bastian Larssen Brudevoll* (f. 1854, d. 1881).

Br. 1877—1881.

Han la kår til enkja Anne Severine frå 1877, og dreiv elles Larsgarden saman med foreldra sine. Men i 1881, den 4. april, bleiv Bastian på havet.

Verbror til Bastian løyste no ut Larsbruket. Det var

*Hans Jakobsen Hole* frå Jørngarden (f. 1863, d. 1888) g. 1884 m. Oline Larsdtr. Brudevoll (f. 1860, d. 1942).

Br. 1884—1890.

Barn: Anna f. 1888, d. ugift.

Det ser ut til at Hans Jakobsen løyste ut heile Larsbruket. Halvparten som Ole *Andreas* Olsen Utgård åtte, kjøpte Hans i 1884.

Hans døydde i 1888, og i 1890 gjekk enkja Oline over på kår. Plassen «Gjerde» bnr. 3 vart no utskilt frå bruket, og dottera Anna Hansdtr. fekk utlagt plassen som arv. Resten av garden selde Oline til bror sin

*Johan Larssen Brudevoll* (f. 1871, d. 1896) g. 1890 m. Lovise Petrine Nikoline Carlsdtr. Strømme frå Klokkargarden bnr. 18 på Grebstad (f. 1856, d. 1931).

Br. 1890—1897.

Lovise Petrine hadde sonen Johan Adolf Larssen Grebstad f. 1889. Utvs. nr. 465.

Johan fekk skøyte på bruket i 1890 for 4000 kroner og kår. Han måtte låne pengar, men alt 1896 døydde han, og mykje av gjelden stod att. Året etter kom garden på auksjon. Verfar til Johan, Karl Strømme på Grebstad, kjøpte då Larsbruket for 4.520 kroner. I 1899 selde han garden til sonen

*. Sitjande frå venstre: Johan Hjortdal (bnr. 1) Utvs. nr. 554,. Ole P. Brunstad Utvs. nr. 256. Basen «himfielf» Peter Brudevoll (bnr. 3) Utvs nr. 199. Karl A, A bnr. 6) Utvs. nr. 13. Hans Larssen Lade (bnr. 4) Utvs. nr. 110.*

*Ståande i andre rekkje: Andreas P. Eidem (bnr. 5) Utvs. nr. 303. Martin P. Mels (Aurdal bnr. 2) Utvs. nr. 48. Lauritz H. Brudevoll (bnr. ?,) Utvs. -nr. 196. Hans H Brudevoll Utvs. nr. 197. Peter L. Brunstad (bnr. 12) Utvs. nr 235. Thomas P. Jar (bnr. 8) Utvs. nr. 648.*

*Ståanda bak: Ole K, Brunstad (Hole bnr. 2) Utvs. nr. 231. Peter Johannes P. Aurdal (bnr. 1) Utvs. nr. 36. Ivar H. Brudevoll (bnr. S) Utvs. nr. 198. Karl P. Jarnes (bnr. 8) Utvs. nr. 646. Jacob Rasmussen Velle (bnr. 4 ) Utvs. nr. 1010. Gerhard Jenssen Velle (bnr. 10) Utvs. nr. 991.*

*Mykje bra ungdom vandra ut frå bygdene våre først på 1900-talet. Somme reiste for godt, og såg ikkje « gamlelandet » meir. Andre har gjort turar heim på vitjing. Men mange var borte berre nokre år, sleit hardt, tente bra, og vende heim til Norge med dollar, løyste, ut garden og bygde hus. På biletet sier vi ein flokk sykkylvsamerikanarar frå « Polson-camp » i tida rundt 1915. Sitjande frå venstre: Johan Hjortdal (bnr. 1) Utvs. nr. 554., Ole P. Brunstad (bnr. 8) Utvs. nr. 256. Basen « himfielf » Peter Brudevoll (bnr. 3) Utvs nr. 199. Karl A. Aurdal 1 bnr. 6) Utvs. nr. 13. Hans Larssen Lade (bnr. 4) Utvs. nr. 110.*

*Ståande i andre rekkje: Andreas P. Eidem (bnr. 5) Utvs. nr. 303. Martin P. Melset (Aurdal bnr. 2) Utvs. nr. 48. Lauritz H. Brudevoll (bnr. ?,) Utvs. -nr. 196. Hans H. Brudevoll Utvs. nr. 197. Peter L. Brunstad (bnr. 12) Utvs. nr 235. Thomas P. Jarnes (bnr. 8) Utvs. nr. 648.*

*Ståanda bak: Ole K. Brunstad (Hole bnr. 2) Utvs. nr. 231. Peter Johannes P. Aurdal (bnr. 1) Utvs. nr. 36. Ivar H. Brudevoll (bnr. 5) Utvs. nr. 198. Karl P. Jarnes (bnr. 8) Utvs. nr. 646. Jacob Rasmussen Velle (bnr. 4 ) Utvs. nr. 1010. Gerhard Jenssen Velle (bnr. 10) Utvs. nr. 991.*

*Thomas Karlsen Strømme frå Grebstad bnr. 18 (f. 1869, d. 1946) g.m. Petrine Jensdtr. Strømme frå Straume bnr. 7 (f. 1869, d. 1947).*

*Br. 1899—1930, sidan nokre år saman med sonen.*

*Born: Karl Johan Hilmar f. 1902 g. på bruket. Jenny f. 1905, sydame, busett Oslo, Elida f. 1908 g. m. Mikal O. Synnes, busett Vigra, Helena f. 1911 g. m. Martin Blindheimsvik, busett Vigra.*

*Thomas Karlsen betalte 3000 kroner for garden med hus. Saman med kona la Thomas ned mykje arbeid med bruket og husdyra. Thomas dyrka også ein heil del jord, og var ein trufast slitar all si tid. Dei økonomiske kåra var ikkje alltid gode. I hans brukstid var det skifte av innmarka på Brudevoll, og Thomas var ein av dei som måtte flytte ut frå gamletunet og lenger nordvest, nord om riksvegen. Løhuset vart flytt dit nord føre utskiftinga, men det er uvisst om det var Thomas eller ein av dei tidlegare brukarane som hadde stått føre det arbeidet.*

*Son til Thomas tok over bruket etter han. Det var*

*Karl Johan Hilmar Thomassen Brudevoll (f. 1902, d. 1965) g. 1929 m. Kjellfrid Persdtr. Erdal frå Opstryn f. 1898.*

*Br. ca. 1930—1965.*

Born: Perdy f. 1929 g. på bruket. Ingebjørg Marie f. 1933 g.m. Karl P. Hole frå Øyane bnr. 7. Sjø Brudevoll bnr. 15. Halldis Eline f. 1935 g.m. Johan Nilsen frå Lofoten. Sjø Brudevoll bnr. 20. Terje Per f. 1938, g.m. Gerd Heltne frå Stranda. Busett Stranda.

Karl Brudevoll lærde seg til bygningsmann i 1920-åra og dreiv bygningsarbeid i lang tid ved sida av arbeidet med bruket. Han hadde garden saman med foreldra første tida, seinare tok Karl og Kjellfrid over gardsdrifta. Skøyte på bruket fekk Karl i 1944 for 3000 kroner. Dei bygde nytt stovehus i 1930, og sette seinare opp ny silokumme og nytt fjøs for storfeet som tilbygg til løa. Elles dyrka dei opp ein god del ny jord, og laga kulturbeite. Om vintrane arbeidde Karl i yngre år på sjøbudene i Ålesund. Kjellfrid Brudevoll var utdanna meierske frå Ørlandets Meieriskole, og hadde hatt post ved Hellesylt Meieri før ho i 1925 kom som meierske til Velledalen Meieri.

Karl Brudevoll var interessert medlem i Velledalen blandakor i mange år, og han hadde ei klangfull bassrøyst.

Versonen

*Aksel Myhre* frå Steigen f. 1923 g. 1950 m. Perdy Inga Karlsdtr. Brudevoll f. 1929.

Br. frå 1965.

Born: Kjellbjørg Janne f. 1950. Syerske. Asle f. 1954. Berit f. 1956. Jan Helge f. 1963.

Aksel og Perdy Myhre hadde først bygt hus i Brøvollsgjerdet (Brudevoll bnr. 16), men dei selde denne eigedomen og tok over Larsbruket då Karl Brudevoll døydde i 1965. Aksel har arbeidt i møbelindustrien, og driv no bruket attåt saman med familien. Siste åra verfaren levde, måtte han minske talet på storfe på grunn av dårleg helse. Aksel Myhre og kona har no ale fram att buskapen, bygt ny silokumme, og også vølt og modernisert stovehuset. Siste tida har han arbeidt med nydyrking av eit stykke på ca. 15 mål av garden. Han har også kjøpt inn ein heil del reiskapar til gardsdrifta.

GJERDET bnr. 3.

Utskilt frå Larsbruket bnr. 2 i 1890 med skyld 0,49 mark. Første brukaren var

*Hans Andreassen Slyngstad* (også skrive Sløgstad) frå Stranda (f. 1847, d. 1901) g. 1878 m. Johanne Gurine Hansdtr. Sve (f. 1856, d. 1938).

Br. 1885 — 1907.

Born: Lovise Marie f. 1879 g. m. Hans R. Nilsen, Tysse, Samnanger. Petter Andreas f. 1880. Utvs. nr. 199. Iver Jørgen f. 1883. Utvs. nr. 198. Ole F. 1885 g. på bruket. Hans f. 1890. Utvs. nr. 197. Karen f. 1894. Utvs. nr. 195. Anton Lauritz f. 1896. Utvs. nr. 196.

Hans Andreassen kom frå Stranda i 1885 og fekk bygsel på dette plassemnet av Hans Jakobsen Brudevoll i Larsgarden bnr. 2. Etter tradisjonen var plassen på 13 mål og 20 stenger, alt udyrka og urudd mark. Første sommaren bygde Hans og Johanne stovehus og løhus, og så tok dei etter kvart til å dyrke denne steinete og myrlendte plassen. I første tida skøyte dei på foret med å slå oppe i «Rørene» ovafor skogavakset. Derifra meisa dei ned høyet. Johanne var sjukleg siste åra og låg til sengs, plaga av gikt. Ho hadde også hatt ein infeksjon i eit bein i eine handa.

Sonen

*Ole Hanssen Brudevoll* (f. 1885, d. 1959) g. 1935 m. Petra Hansdtr. Brunstad frå Sølmgarden (f. 1900, d. 1974).

Br. 1907 — 1954.

I 1910 løyste Ole Hanssen Brudevoll ut plassen for 725 kroner av Anna Hansdtr. Brudevoll som i 1890 hadde fått skøyte på plassen i skiftet etter den avlidne far hennar, Hans Jakobsen Brudevoll. Ole Hanssen, som no vart sjølveigar, heldt fram med dyrkinga av plassen, og han stelte og vølte på husa. I unge år hadde han vore i skreddarlære på Furset. Seinare skredderte han på Brudevoll. Han sydde vadmelsbukser så seint som i 1925. Seinare tok han seg vegarbeid, og var med og bygde den nye vegen gjennom Velledalen og gjennom Hevsdalen. Ole og Petra Brudevoll fødde 3 mjølkekyr, eit par ungdyr, og 5—6 sauer.

I 1954 selde Ole Hanssen plassen til kona sin brorson

*Peder Godin Petersen Brunstad* frå Sølmgarden f. 1928 g. 1956 m. Solveig Torp frå Fredrikstad f. 1932.

Born: Ole Peter f. 1957. Knut f. 1959. Harald f. 1960. Hilde f. 1967.

Peder Brunstad er tannlækjar og har arbeidet sitt i Oslo, men han bur i Brøvollsgjerdet i feriane. Han har bygt på og modernisert huset. Verbroren hans, Sverre Sørensen, som i 1959 bygde hus på ei tomt under plassen (bnr. 23) hjelper til med å få avlinga i hus.

JETMUNDGARDEN bnr. 4.

*Ole Olsen*, bnr. 15. - -ca. 1638.

Han var med i Kalmarkrigen i 1611. I 1638 ser det ut til at det var ei enkje som stod føre gardsdrifta på dette bruket.

*Ole Olsen Brudevoll* (f. ca. 1602).

Br. ca. 1638—ca. 1675.

Han betalte kvegskatt i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 6 sauer og 4 geiter, 1 1661 var Ole og drengene hans i kast med grannen Jon (bnr. 1) i ei tjuverisak.

Sonen

*Peder Olsen Brudevoll* (f. ca. 1636, d. etter 1701) g.m. Ragnhild Knutsdtr. Aure (bruk A). Ho var halvsysster til Jetmund Knutsen og Mari Knutsdtr. på Ytre Fauske, ervingar etter den velstående Ragnhild Sæmundsdtr. Aure som var av lensmannsætta på Aurdal. Peder Olsen brukte 5½ mællag til 1710. Då kom versonen

*Lars Pedersen Aurdal* (bruk B), (f. ca. 1679, d. 1740) g. m. Berte Pedersdtr. Brudevoll (f. ca. 1682, d. 1730).

Br. 1710—1742.

Bygselsetel 1710 frå Ole Larssen Abelset på 5½ mællag.

Sonen

*Peder Larssen Brudevoll* (f. ca. 1717, d. 1755) g. 1741 m. Synnøve Ellingsdtr. Hjortdal (f. ca. 1697, d. 1762).

Br. 1742—1759.

Bygselbrev i 1742 frå Christopher Abelset på 5½ mællag. Etter foreldra ervde Peder Larssen 2 mællag jord utan bygsel i Brunstad. Denne jordeigedomen selde Peder i 1749 til Christopher Abelset.

Enkja Synnøve Ellingsdtr. gifte seg att 1757 med

*Jetmund Olsen Brunstad* (f. 1722, d. 1792). Han var først gift 1755 m. Guri Pedersdtr. Tandstad, men ho døydde alt året etter på barsel, 39 år gamal. Jetmund skreiv seg då for Hole. Etter at andrekona hans, Synnøve var død, gifte Jetmund seg 3.g.



1763 m. Kari Olsdtr. (f. 1742, d. 1820). Ymse ting tyder på at ho var frå Larsgarden på Blindheim. Jetmund fekk bygselsetel frå Christopher Abolset på 5  $\frac{1}{2}$  mællag i 1759, og sat som brukar til 1793. Han var lagrettemann.

Skiftebuget etter Jetmund i 1793 hadde ei brutto eige på 73 rdl. Gjelden var 52 rdl.

Sonen

*Ole Jetmundsen Brudevoll* (f. 1763, d. 1837) g. 1794 m. Anne Karlsdtr. Aurdal frå Tormodgarden (f. 1761, d. 1831).

Br. 1793—1824.

Bygselsetel frå Henning Abelset på 1 våg 1 pd. 3 mrk. i 1793. Kår til Jetmund Olsen og Kari Olsdtr. Ole Jetmundsen var lagrettemann. Han var i 1795 vitne for Brunstad i åstadsaka om Vellesetra. Jetmundbruket vart i 1801 verdsett til 198 rdl.

Sonen

*Jetmund Karolus Olsen Brudevoll* (f. 1796, d. 1875) g. 1823 m. Ide Jørgensdtr. Hjortdal frå Jørngarden (f. 1802, d. 1881).

Kr. 1824—1853.

Bygselsetel frå løytnant Daae i 1824. Kår til Ole Jetmundsen og Anne Karlsdtr. Karolus Olsen la av eiden til Grunnlova i 1833 og fekk stemmerett. Han var lagrettemann. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 1 våg 1 pd. 3 mark., revidert til 2 dlr. 2 ort 17 skl.

Sonen

*Ole Andreas Karolussen Brudevoll* (f. 1827, d. 1906) g. 1852 m. Karen Marie Petersdtr. Aursnes (f. 1817, d. 1881). Ho var dotter til Peter Jakobsen Aursnes i Olegarden bnr. 2 og Bastianne Knutsdtr. Vik frå Sjursgarden. Bastianne vart seinare gift med enkjemann Henrik Halvorsen Havåg frå Herøy. Sjå Aure bnr. 48. Han var velståande og åtte m.a. fleire gardar, t.d. Pålgarden bnr. 7 på Eidem, og Nakkegjerdet gnr. 16. Enkja hans, Bastianne Knutsdtr. døydde på Brudevoll i 1860, og dotter hennar, Karen Marie ervde mykje av dette godset. Etter tradisjonen vart ho til dagleg kalla Karen Marta. Mannen hennar, Ole Karolussen, fekk bygselsetel på Jetmundgarden frå kaptein Daae i 1853 og sat som brukar til 1881. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv han som smed.

I 1875 fødde han 1 hest, 1 unghest, 8 kyr, 3 ungdyr, 26 sauer, 3 geiter og 1 gris. Til dette kom krøtera som kårenkja Ide Jørgens-

dlr. åtte: 2 kyr, 4 sauer og 1 geit. Sånaden var 3 t. bl.korn, 4 t. havre, 4 t. poteter og 2 ar med rotfrukt.

Sonen

*Hans Karl Olsen Brudevoll* (f. 1853, d. 1925) g. 1876 m. Anne Guttormsdtr. Hole frå Olagarden (f. 1851, d. 1932).

Br. 1881—1901.

Born: Karl Johan f. 1877 g. på bruket. Karen f. 1886 g.m. Knut Iversen Hjorthol i Larsgarden. Hanna f. 1891 g. m. Lauritz Severinsen Brudevoll frå Jogarden. Sjø Nakkegerde bnr. 1.

Hans Karl Olsen løyste ut bruket i 1881 og vart sjølveigar etter skøyte frå Daae. Han sette opp nytt stovehus i Jetmundgarden. Tømmeret dreiv han fram frå Vikedalen, for Hans Karl ervde Gjerdsnakken etter mor si, og denne garden hadde skogteigar i Vikedalen. Hans Karl åtte også eit bruk i Ramstaddal. Om vintrane dreiv han fiske,

Ved skyldsettinga i 1890 var den gamle skylda på Jetmundbruket, 2 dlr. 2 ort og 17 skl. revidert til 4,44 skyldmark.

Son til Hans Karl og Anne Guttormsdtr. tok over bruket. Det var

*Karl Johan Hanssen Brudevoll* (f. 1877, d. 1960) g. 1901 m. Olave Johansdtr. Grebstad frå Gammelgarden (f. 1881, d. 1953).

Br. ca. 1901—1945.

Born: Ovidia f. 1902, d. 1919. Åsta f. 1904 g.m. Peter P. Fet i Nilsgarden. Harald f. 1906 g. på bruket. Utvs. nr. 203. Johan f. 1908. Utvs. nr. 204. Erling f. 1912. Utvs. nr. 202. Olav f. 1927 g. 1960 m. Aslaug Horstad frå Førde. Dei bur i Førde i Sunnfjord.

Karl Johan Hanssen tok over bruket i 1901. Skøyte frå Anne Guttormsdtr. i 1932. I 1919 var det skifte av innmarka, på Brudevoll. Karl Johan måtte då flytte ut frå gamletunet, og han sette opp nye hus eit stykke lenger vest, på nordsida av riksvegen. Først bygde han stabburet, og der budde han med huslyden medan han sette opp løa i 1922 og stova i 1923. Materialen henta han heilt oppe frå Benkane ovafor Solberghusa og frå Vikedalen. Karl Johan la ned eit stort arbeid på bruket som han dyrka godt opp. han planla også ein del skog, m.a. i «Paradiset», ein teig ut mot Hjortdalsmarka. Då Øvre Velledalen fekk rikstelefonsamband i 1916, vart stasjonen lagd til Jetmundgarden med Karl Johan som styrar. Han var elles mykje med i styre og stell i bygda, m.a. medlem i kommunestyret, varaordførar, krinsformann og medlem i

skulestyret, medlem i forstandarskapet og seinare i styret for Sykkylven Sparebank. Sjå «Sykkylven Sparebank gjennom hundrad år» s. 101.

Sonen

*Harald Karlsen Brudevoll* f. 1906 g. 1937 m. Aasta Pettersdtr. Brunstad frå Jørngarden f. 1913.

Br. frå 1945.

Born: Oddrun f. 1938 g.m. Jarle Vannebo, Kolvereid. Sjå Brudevoll bnr. 27. Liv Anne f. 1944. Teleekspeditør. Karl Johan f. 1953, handelsutdanning.

Harald Brudevoll hadde vore i USA før han tok over Jetmund-bruket. Utvs. nr. 203. Skøyte i 1945 frå Karl H. Brudevoll. Kår. han har vølt og modernisert stovehuset. Han har også stelt på løa, sett opp 2 silokummar, og lagt på nytt tak. Bruket har han halde godt i hevd, pløgd om gamal voll, og fulldyrka resten av heimebøen. Han har også kjøpt traktor og andre tidhøvelege gardsreiskapar. Åsta og Harald Brudevoll fôrar no 5 mjølkekyr, 6 ungdyr og 4 sauer.

Då Karl Johan Brudevoll sa frå seg stillinga som styrar for rikstelefonstasjonen i Øvre Velledalen i 1945, vart det sonen Harald Brudevoll som fekk stillinga som han hadde til 1973 då stasjonen vart lagd inn under sentralstasjonen Sykkylven på Aure.

SOLBERG bnr. 5.

Då Jobruket bnr. 1 vart delt i 1900, fekk den eine halvparten namnet Solberg med 2,22 mark i skyld. Det var borna etter Johan Sivertsen Grebstad g.m. Jensine Larsdtr. Aure på Bakken som åtte denne halvparten av Jobruket. Son til Johan, Petter Johansen Grebstad i Severingarden, selde i 1900 Solberg med halvparten av husa på det gamle Jobruket for 2.500 kroner til

*Andreas Andreassen Framhus* frå Stranda (f. 1872, d. 1956) g. 1900 m. Anna Severinsdtr. Brudevoll frå Jogarden bnr. 1 (f. 1880, d. 1961).

Br. 1900- -ca. 1931.

Born: Signe f. 1902 g.m. Ludvig Larssen Hole frå Jørngarden. Sjå tomt under Vik bnr. 6. Aasta f. 1903 g.m. Jens Rasmussen Tynes. Tjønes bnr. 1. Arne f. 1905. Utvs. nr. 209. Astrid f. 1907 g. 1926 m. arbeidsformann Hilmar Urke, Hjørundfjord. Julie f. 1908 g. 1938 m. fiskar Elias Rødsethol, Vigra. Oddbjørg f. 1910 g.

1936 m. fiskar Lars R. Synnes, Vigra. Alf f. 1912 g.m. Helga Bjørnenak frå Volda. Sjø Blindheim bnr. 46. Gina f. 1917. Svein f. 1919.

Andreas Framhus var mellom dei første gullgravarane i Klondike. Utvs. nr. 208. (Sjå også Kjølås: *Gull og Sunnmp.* 2/1 1954). Etter at han i 1900 tok over dette stykket, skreiv han seg for Solberg. Han sette opp stort hus på bruket og bygde løe og stabbur. Solberg var for det meste udyrka mark då han tok over, og han la ned eit svært arbeid med dyrking og jordbryting, slik at det meste av bøen var i god stand då han gav frå seg garden i 1930-åra.

Sonen

*Arne Andreassen Solberg* f. 1905 har drive garden etter at han kom attende frå USA i 1931. Utvs. nr. 209. Han heldt fram med jorddyrkinga på bruket, og la ned eit kjempearbeid, slik som far hans. Men Arne vart tidleg plaga av gikt. Bror hans, Svein f. 1919, hjelper til med gardsdrifta, og systera Gina f. 1917 er hushalderske på Solberg.

#### BRUASLETTA bnr. 6.

Tomt aust for nedkøyrsla til Holebrua. Tomta vart utskild frå Jetmundbruket bnr. 4 i 1926 med skyld 0,02 mark, utvida 1958 og 1959 med to parsellar, bnr. 22 og 24, kvar med 0,01 mark i skyld.

*Ole Bastian Knutsen Lade* frå Solslett bnr. 8 (f. 1890) g. 1925 m. Berte Johansdtr. Strømme frå Øggaplassen under Larsbruket (f. 1886, d. 1905).

Br. 1926—1959.

Barn: Karl f. 1927, tok over Bruasletta.

Ole Bastian bygde stovehus i 1926. (Sjå Brunstad bnr. 21). Han dreiv anleggsarbeid, seinare førefallande dagarbeid.

Sonen

*Karl Olsen Lade* f. 1927 g. 1957 m. Asbjørg Hansine Gabrielsen frå Ramfjord i Troms f. 1936.

Br. frå 1959.

Born: Bjørn Asle f. 1958. Kurt Johnny f. 1961. Hallgeir Even f. 1963,

Karl Lade bygde nylt stovehus i 1960. Han arbeider som tilskjerar i møbelindustrien.

SOLVOLL bnr. 8.

Utskild frå Larsbruket bnr. 2 i 1941 saman med skyld 0,27 mark.

*Ivar Sivertsen Bjørke* frå Hjørundfjord, f. 1904 g. 1930 m. Solveig Andreasdr. Lyshol frå Eidem bnr. 4, f. 1905, bygde hus i 1951. Ivar Bjørke var lærar ved Brøvoll skule, sidan ved Velledalen skule. I mange år organist ved gudstenestlege møte i Velledalen bedehus.

Born: Magnhild f. 1931, utdanning frå Den Franske Skole i Oslo, busett i Trondheim, Sveinung f. 1933, g.m. Liv Larsdr. Nysæter. Anne f. 1935 g.m. Paul I Moe, Ørsta. Arne f. 1942, sivilingeniør frå University of Glasgow.

Ivar Bjørke har no eigeiendomen saman med sonen

*Sveinung Ivarsen Bjørke* f. 1933 g. 1957 m. Liv Larsdr. Nysæter f. 1936. (Sjå under Vik bnr. 0).

Born: Kristel f. 1965. Andor f. 1969.

Sveinung Bjørke arbeider som maskinentreprenør og driv serleg anleggskøyring.

FRE'DLY bnr. 10,

Utskild frå Larsbruket på Brudevoll i 1946 med skyld 0,08 mark.

*Arne Amundsen Bolstad* frå Hjelle i Oppstryn f. 1912 g. 1944 m. Helga Olave Olsdr. Hole frå Jørngarden f. 1918.

Born: Oddfrid f. 1945 g. m. Arne Larssen Utgård. Busett Utgård. Arnold f. 1948, ingeniør, g. 1974 m. Elin Andersen frå Oslo. Ola Arne f. 1952. Lærarskulen i Oslo. Jan Steinar f. 1957.

Arne Bolstad har utvida parsellen ved å kjøpe eit stykke av Andersbruket på Lade i 1946, skyld 0,02 mark, og eit stykke til i 1946 med skyld 0,05 mark av same bruket. Bolstad bygde stovehus i 1948 og løhus i 1952. Ved sida av arbeidet med bruket har han drive bygningsarbeid, fabrikkarbeid, og frå 1951 har han vore vegvaktar.

SOLBAKKEN bnr. 11.

Utskild frå Jetmundbruket bnr. 4 i 1947 med skyld 0,01 mark.

*Jørgen Amundsen Bolstad* frå Oppstryn f. 1909 g. 1939 m. Kari Karlsdr. Nakkeberg frå Brunstad f. 1919, kjøpte dette stykket i 1947 og bygde hus i 1950. Jørgen Bolstad har vore anleggsarbeidar og jordbrytar. Han har teke opp svært mykje ny jord, og har

vore ein svær arbeidskar. Stykket sitt har han også dyrka godt opp og planta til med pryd- og frukttre. Elles har han saman med kona si slege inn gardar i grenda der brukarane har vore sjuke, og dei har også hatt storfe.

Born: Oddlaug f. 1940, sjukesyster, g.m. Harald Rønjom, Oslo. Asbjørn, f. 1942, oversersjant, g.m. Mai Britt Pettersen frå Herjangsholmen ved Narvik. Kåre f. 1945, industriarbeidar. Solvor, student, f. 1948 g.m. Torstein Vonheim, Engavåg. Synnøve f. 1950 g. m. Jan Bahus frå Os. Judit f. 1953, industriarbeidar. Gerd f. 1955, industriarbeidar.

VENLI bnr. 12.

Tomt utskild frå Jetmundbruket bnr. 4, skyld 0,01 mark.

*Elias Bernhard Oen* frå Vigra f. 1909 g. 1940 m. Olga Larsdtr. Hole f. 1909. (Sjå også Brunstad bnr. 5).

Barn: Per f. 1953.

Elias Oen hadde vore fyrvaktar på Storholmen fyr i 35 år i 1974, mykje av tida som fyrmeister. Olga Oen arbeidde i unge år som heimehjelp på mange stader i Sykkylven. Dei har hus og heim på Vigra, men nyttar Venli som dei sette opp i 1956, som feriestad.

STEINLAND bnr. 13.

Industritomt utskild frå Jetmundbruket bnr. 4 i 1949 med skyld 0,01 mark.

*Steinland Trevarefabrikk* vart skipa i 1938 av Arthur Synnes saman med verbrørne Karstein og Lars Brunstad frå Hole bnr. 2. Fabrikk flytte i 1950 inn i nybygg på Steinland bnr. 13 og dei arbeidde her nokre år. I 1954 tok Karstein Brunstad over trevarefabrikken, og namnet vart no endra til

*Nygard Trevarefabrikk* med Karstein Brunstad som disponent. Sjå også Hole bnr. 2.

Det arbeidde for det meste 3—5 mann ved verksemda fram til 1973 då Karstein Brunstad selde til Einar Erlingsen Solvang som hadde arbeidt ved verksemda frå 1954. Sjå også bnr. 17.

Fabrikk fekk no nytt namn

*Solvang Møbelfabrikk A/S* og har Einar Solvang som disponent. Der arbeider no 3—4 personar, og produksjonen er for det meste entremøblar.

LUNMEIM bnr. 15.

Tomta vart utskild frå Larsbruket bnr. 2 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Karl Pettersen Hole* frå Øyane bnr. 7, f. 1922 g. 1951 m. Ingebjørg Marie Karlsdtr. Brudevoll frå Larsgarden bnr. 2, f. 1933, bygde hus 1954. Karl Hole arbeidde i møbelindustrien. Han driv no ein mekanisk verkstad.

Born: Per Henning f. 1951. Kjetil f. 1953, Ragnhild f. 1954. Ann Kristi f. 1956. Sølvi Karin f. 1962. Karl Inge f. 1970.

FREDHEIM bnr. 16.

Tomta vart utskild frå Larsbruket bnr. 2 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Aksel Myhre* frå Steigen f. 1923 g. 1950 m. Perdy Inga Karlsdtr. Brudevoll frå Larsgarden bnr. 2 f. 1929, bygde stovehus i 1956. Dei flytte i 1965 til Larsgarden bnr. 2 som dei tok over. Fredheim bnr. 16 selde dei same året til

*Arvid Grotle* frå Bremanger f. 1937 g.m. Gerda Førde frå Bremanger f. 1940.

Born: Margreth f. 1959. Kenn Jonny f. 1961. Gro Anita f. 1969.

Han endra huset litt og la ned ikkje lite arbeid på eigedomen. Arbeidde i møbelindustrien. Selde huset i 1971, og flytte til Sætre.

Eigedomen Fredheim kjøpte

*Nils Nilsen* frå Borge i Vestvågøy f. 1933 g.m. Lilly Leidulvsdtr. Liaskar frå Lade bnr. 16 f. 1948.

Born: Lidvar f. 1969. Rune f. 1971.

Nils Nilsen arbeider i industrien.

BERGTUN bnr. 17, 18 og 25.

Bnr. 17 vart utskilt frå Steinland bnr. 13 i 1954 med skyld 0,01 mark.

Bnr. 18 utskilt frå Jetmundbruket bnr. 4 i 1954 med skyld 0,01 mark. Bnr. 25 utskilt frå Dalebø bnr. 9, del av Jetmundbruket, i 1960 med skyld 0,01 mark.

Den første som bygde hus her var

*Arthur Synnes* frå Vigra f. 1910 g. 1937 m. Lina Olsdtr. Brunstad frå Hole, Nygarden bnr. 2, f. 1913.

Born: Oddhild f. 1940 g. 1960 m. Arne Farstad frå Valderøy.

Inger f. 1946 g. 1968 m. Tony Wahl frå Kristiansund. Olav f. 1948 g. 1971 m. Oddhild Folkestad, Valderøy.

Saman med verbrørne sine Karstein og Lars Brunstad byrja Arthur Synnes med ein trevarefabrikk i 1938. Dei sette opp fabrikkbygg på Steinland (Brudevoll bnr. 13) i 1950, og kort etter bygde Arthur Synnes også stovehus.

Verbroren Karstein Brunstad tok over fabrikken, og Arthur Synnes selde stovehuset til

*Einar Erlingsen Solvang* frå Langenes f. 1929 g. 1955 m. Brita Knutsdtr. Haugen frå Hornindal f. 1936.

Born: Klara f. 1957. Mona f. 1961. Kyrre f. 1965. Betty Elin f. 1973.

Einar Solvang har utdanning frå 2-årig yrkesskule og 3-årig kurs ved lærlingskule. Han dreiv fiske nokre år, men frå 1954 har han arbeidd ved Nygard Trevarefabrikk på bnr. 13 på Brudevoll, og då denne verksemda kom på sal i 1953, løyste Solvang henne ut. Fabrikken heiter no Solvang Møbelfabrikk A/S, med Einar Solvang som disponent. Stovehuset på eigedomen Bergtun bygde han på og moderniserte i 1968, slik at det er som nytt hus å rekne.

DALTUN bnr. 19.

Tomt utskild frå Larsbruket bnr. 2 i 1958 med skyld 0,01 mark., og seld til

*Jon Sverre Pedersen Holmberg* frå Hole bnr. 6 f. 1937 g. 1959 m. Reidun Oddbjørg Larsdtr. Lade frå Straumgjerde bnr. 24 f. 1940, bygde hus i 1959. Jon Holmberg var i USA 1956—1958, dreiv så bygningsarbeid saman med far sin Peder Holmberg på Hole, men byrja seinare som salsrepresentant for Lade Møbelfabrikk. I 1960-åra var han med å starte forretning i elektriske artiklar, men denne forretninga gjekk inn etter nokre år. Jon Holmberg arbeider no som møbelagent. Reidun Lade har husflidsutdanning. Når ho har høve til det, arbeider ho som telefonassistent.

Born: Morten Øystein f. 1961. Benedikte f. 1964. Eina Petrine f. 1969.

HEIMTUN bnr. 20.

Tomta vart utskild frå Larsbruket bnr. 2 i 1958 med skyld 0,01 mark.



*Johan Nilsen* frå Lofoten f. 1930 g. 1955 m. Halldis Karlsdtr. Brudevoll frå Larsgarden f. 1935. Bygde stovehus i 1960. Johan Nilsen arbeider i møbelindustrien.

Born: Kjell Arne f. 1957. Magne f. 1960. Linda Vibeke f. 1968.

SOLTUN bnr. 21.

Tomta vart utstdld frå Larsbruket bnr. 2 i 1958.

*Trygve Amundsen Bolstad* frå Oppstryn f. 1914 g. 1958 m. Anny Oddbjørg Hole frå Jørngarden f. 1923, bygde hus i 1959. Trygve Bolstad er målar, syslar også med kunstmåling. Anny Bolstad var sydame.

BERGLI bnr. 23.

Tomt utskild frå Gjerde bnr. 3 i 1959 med skyld 0,01 mark.

*Sverre Halfdan Sørensen* frå Tromsøysund f. 1929 g. 1958 m. Bjørg Laurentze Petersdtr. Brunstad frå Sølmongarden bnr. 9, f. 1931, bygde hus på tomta i 1960. Sverre Sørensen var til sjøs i utanriksfart i 11 år, siste åra som båtsmann. Etter at han gifte seg, har han hatt arbeid i land. Han er no i møbelindustrien. Bjørg Sørensen har i mange år vikariert som handgjerningslærarinne i skulen.

Born: Svein Ole f. 1960. Beate Helene f. 1963. Alice Petrine f. 1965. Hans Petter f. 1969.

LUNMEIM bnr. 27.

Tomt utskild frå Jetmundbruket i 1960 med skyld 0,01 mark.

*Jarle Bjarnesen Vanebo* frå Kolvereid f. 1927 g. 1956 m. Oddrun Ingebjørg Haraldsdtr. Brudevoll frå Jetmundgarden bnr. 4 f. 1938. Dei bygde hus i 1961. Han arbeider i møbelindustrien. Ho er teleekspeditør.

Born: Bjørn Harald f. 1956. Åge Magne f. 1960. Roger André f. 1964.

SKOGLY bnr. 28.

Tomt frå Jobruket bnr. 1, seld av Oskar Hole i 1962 til

*Per Aslak Jonsen Strøm* frå Viken (Fjøra) i Norddal f. 1939

(sjå også Brudevoll bnr. 30) g. 1963 m. Inger Halvorsdtr. Bjørsnes frå Hustad f. 1941.

Born: Jan Kåre f. 1964. Bjørg Iren f. 1967.

Per Strøm sette opp hus i 1964. Huset er vertikaldelt med huset på bnr. 30.

Bnr. 29.

*Arne Olsen Hole* frå Jørngarden f. 1920 g. 1965 m. Borghild Kristoffe Jensdtr. Drabløs frå Slettebøen f. 1922, bygde hus i 1964. Arne Hole arbeider i møbelindustrien. Borghild var sydame før ho gifte seg.

SKOGLY bnr. 30.

Tomt av Jobruket, bnr. 1, seld av Oskar Hole i 1962 til

*Jon Norbekk Petersen Strøm* frå Viken (Fjøra) i Norddal f. 1912 g. 1936 m. Ingrid Larsdtr. Sætre frå Fjøra f. 1908.

Born: Per Aslak f. 1939. Sjø Brudevoll bnr. 28. Solbjørg f. 1943. Sjukepleiar. Helge f. 1947. Industriarbeidar.

Jon Norbekk Strøm arbeider i møbelindustrien. Han bygde hus i 1964. Huset er vertikaldelt med huset på bnr. 28.

GRIMSTAD bnr. 32.

*Arne Grimstad* frå Straumsnes f. 1927 g. 1961 m. Solbjørg Elvegård Pettersen. frå Sømna f. 1936, bygde hus i 1965. Han arbeider i møbelindustrien.

Born: Kåre Petter f. 1961. Tor Arne f. 1963. Lise Karin f. 1964,

## Lade, gnr. 29. [\(Til innhald\)](#)

Namnet har vore skrive Ladhe i 1544 og 1552, Lodenn i 1603, Lae i 1626, Lahe i 1633, Lade i 1643, 1645, 1660 og 1666, Ladde i 1700, 1717, seinare for det meste Lade. I dagleg tale vert garden kalla La. Lade er nest øvste garden i Velledalen og ligg for det meste på nordsida av Storelva som er grenseskilet mot sør både for den øvre og nedre delen av garden. Eit parti midt på garden strekkjer seg over elva mot Holesida. I vest grensar garden mot Brudevoll si innmark og utmark. I aust grensar Lade mot Drotninghaug, først mot innmarka nedst, lenger oppe mot utmarka nordover til Nakken der bytet svingar austover ovafor Drotninghaug. Så gjer bytelina ein brå sving mot sør att langs Drotninghaug sitt austre byte i retning mot riksvegen. På denne måten femner Lade delvis om Drotninghaug på den austre sida.

Nord for garden er utmarka, med Hauledtegane lengst vest. Så strekkjer husberget seg bakover og oppover frå husa. Dei har Skjervaberget på austre side. Denne delen av utmarka endar under Svafjellet med Urfjellet ovafor. Frå Skjervaberget går fjellovergangen Gimsdalsbruna til Gimsdalen. Over Hjøllane, den austlegaste delen av Lade si beimeutmark ligg Heiane. Over dei kneiser Storfjellet. Det bar vore fonnhevt under desse fjella. Frå Storfjellet går det nokså årvisst fleire kremsnøfonner. Den austlegaste heiter Rensetfonna. Så kjem Bjønnbakkfonna, og lengst vest Krokfonna. Ho slakkar på farten midt i fonnlaupet og deler seg også litt. Denne staden kallar folk for «Krokøse». Det er også dei som kallar heile fonna for Krokøsfonna. Folket på garden reknar ikkje desse fonnene som serleg farlege, sjølv om dei etter tradisjonen har gått så langt ned som til riksvegen. Større slagkraft hadde mjellfonna som stokk laust i Svafjellet ein gong i 1600-åra. Denne fonna kosta ned heile bergsida og øydela husa som stod i gamletunet. Etter tradisjonen gjekk det ikkje menneskeliv under denne

hendinga. Verst ute var tenesttausa i Hau-Knutgarden. Ho stod i lødøra då snømassene kom, men ho hadde eit vandelknippe i hendene. Det slepte ho ikkje, og det vart berginga hennar. Vandlane skaffa henne det holromet som trongst til luft for pusten då snøen grov henne ned, til folk fekk grave henne fram att. Folket på Lade tok støkken av denne fonna og flytte husa tvert over dalen til sørsida av Storelva. I dei neste 200 år stod husa på Lade på sørsida av elva før flyttinga attende til gamle tufter kom i gang i siste halvparten av 1800-åra, med Jetmundhusa som dei første i 1862.

Det er vanskeleg å seie noko sikkert om alderen på Lade. Berre eitt fornfunn er gjort i jorda. Det var Petter Knutsen Lade på Solslett bnr. 8 som under jordbryting nedafor låa fann ein 13 cm lang flintspiss som er svært fint forma. Han er flatslipt og oval, og kan vere både ein pilesmiss og ein flåkniv, for han har handskaft. Om det har vore bufast mann på Lade som har mist flintspissen, eller berre ein streifande veidemann, er det vel vanskeleg å seie noko sikkert om, men at det har vore steinalderfolk som har vore på ferde, kan det vel ikkje vere tvil om. Seinare vert det lenge før ein kjem på spor etter folk. Tiendepenginglista frå 1520 nemner ingen på Lade. Det kan vere mogleg at garden, har lege øyde etter Svartedauden. Men i 1544 vert deler av Lade selt til Giskegodset, og i 1552 er det nytt eigarskifte (sjå under Eigargar). Både i 1582 og i 1586 var det to namngjevne brukarar på Giske-parten av Lade. Det var Per (Peder) og Jetmund, kanskje i Andersgarden og Hau-Knutgarden som kan hende er eldste bruka. Det ser i alle høve ut til at det var berre to bruk på Lade fram til den aller første delen av 1600-åra då det auka til 4. Først på 1700-talet vart det 5 bruk, og slik heldt det seg til siste halvparten av 1800-åra då det kom til nokre plassebruk i austre enden av garden nærast Drotninghaug. I 1952 vart Hau-Knutbruket delt i tre, og elles har fleire tomter vorte utskilde frå bruka på Lade.

Første skiftet av åker og eng var i 1836 og 1837. Det var brukarane som hadde kravt jordskiftet av garden som til den tid hadde lege i «fællesskab og teigbytte». Jordskiftemennene hadde alle skrive namna sine med eiga hand: Amund Olsen Welle, Hans R. Strømmegjærde, Bernt Knutsen Wiig og Nils Fedt. Trass i jordskiftet vart teigane både mange og små heilt til det kom nytt jordskifte i 1912. Det vart avslutta med overjordskifte i 1914. Hau-Knutbruket bnr. 3 og Olabruket bnr. b fekk heimebøen i to

stykke kvar. Både desse bruka er no vidare delte. Dei andre bruka på Lade fekk bøen sin i eitt stykke kvar. Gamleåkrane låg på tørraste og beste bøkene. Jetmundbruket hadde Storåkeren nedafor husa, Eldhusåkeren aust for stova og Husåkeren nordaust for stova. Hau-Knutgarelen hadde også Storåkeren nedafor løa, Lø-åkeren ova løa, og Reiten på det dei kalla Fremstestykket aust for fabrikkbygget på bnr. 20. Olagarden hadde åkeren Liene midt i garden på nordsida av husa no. Og Andersbruket hadde også sin Løåker, for å nemne nokre av dei mange åkrane på garden.

Tust og skeidd gjekk or bruk som truskereiskapar i 1800-åra, og brukarane fekk truskemaskinar som gjekk med vasskraft. Jetmundbruket hadde truskehjulet sitt like aust for løa der dei brukte vatnet frå Itlegrova med tilskot frå Skjervagrova i skråveite. Frå vasshjulet gjekk det snor til løa, men for å få rette farten på truskemaskinen, måtte dei ha vekslingshjul i lødøra. Hau-Knutgarden brukte vatnet frå Hau-Knutgrova. Truskehjulet stod nord for løa deira. Jetmund- og Hau-Knutgarden låg nær kvarandre. Dei hadde lenge ein truskemaskin i lag, men så fekk Jetmundfolket ein ny maskin i byrjinga av 1900-åra, og Hau-Knutfolket tok over den andre. Truskehjulet til Andersfolket stod ovafor løa og fekk vatn i veite frå Andersgrova og Hau-Knutgrova. I Jogarden hadde dei snor til kvernkallen, og Olagarden hadde vatn og truskehjul i kvernveita nedafor vegen.

Kvernveita tok av frå Storelva og gjekk vestover langs elva om lag der den nye riksvegen ligg no. I 1717 var det 3 kvernar på Lade, i 1724 var det 4, og slik var det fram gjennom heile 1700-åra. I seinare tid var det 5 kvernar. Jetmund-, Hau-Knut- og Ola-kverna stod ved kvernveita der Andersfolket har bøen sin. Det vart i minste laget med vatn, slik at berre ein i gongen kunne male. Lenger nede kom Jokverna og Anderskverna. Alle desse fem kvernane var i bruk til jordskiftet på Lade var slutt i 1914. Etter avtalen då skulle Anders-, Ola- og Hau-Knutkverna flyttast ut og sør om Storelva til staden der tunet på Lade hadde stått eit par hundre år. Men det gjekk slik at korkje Ola-folket eller Andersfolket bygde opp att kvern sør om elva. Det vart berre Hau-Knutfolket som gjorde det. Dei to andre kvernhusa på Lade, Jo- og Jetmundfolket sine, flytte lenger vestover på nordsida av Storelva. Alle dei tre kvernane på Lade som vart gjorde i stand etter 1914, var i brukande og i god skikk like til krigen 1939—1945 var slutt, og dei var mykje nytta under krigen.

Småbrukarane på Lade som budde aust til bytet mot Drotninghaug, brukte dragemaskin til truskinga si, og dei mol anten på Lade eller på Drotninghaug sine kvernar. Dei siste åra har det ikkje funnest korn att på garden.

Heimebøen til Lade har vore noko myrlendt mange stader, og bøane har heller ikkje vore mellom dei største i bygda. Dei fleste brukarane hadde mellom 20 og 30 mål kvar med dyrka åker og eng. Det som har vore sermerkt for Lade, er dei svære utmarks-viddene denne garden har hatt. Ned gjennom hundreåra har desse viddene vore i bruk både som slåttemark for småhøy, vårhamn og setremark for buskapen og samstundes gitt god vokstergrunn til brennefang, og forsurrogat til buskapen med både lauv og bork. I bergsida nord for husa har Lade først og fremst hatt vårhamn for buskapen og dessutan skogteigar. Men Lade eig langt lenger austover i denne bergsida, framom Espe ved nordvestre hyrne av grannegarden Drotninghaug, så Nakken ovafor Drotninghaug, og lenger aust kjem Heiane med Hjellane under. Etter dette kjem Drotninghaug med ein teig som før 1800 var slåttemark og heimehamn for bufeet på Drotninghaug. Heimehamna strekte seg inn til elva som kjem frå Sunndalen og kryssar vegen eit kort stykke nedafor Gamlestølen. Langs denne elva gjekk i eldre tid grenseskilet inn mot Lade og Drotninghaug si sams setremark og slåttemark som rakk heilt inn i Vassmarka og bytet mot garden Nysæter si buhamn.

Ikkje før var brukarane på Lade ferdige med langhøyslåttan på bøen, så «for dei innom» og byrja slå i Hjellane aust for Drotninghaug. I denne marka hadde Lade 5—6 teigar på kvar brukar, og dei slo teigane vidare opp gjennom Heiane heilt til fjells. Her hadde slåttan årebyte. Dei slo halve vidda eine året, og let den andre kvile og godgjere seg til neste år. Då slo dei denne parten og let den første kvile. Brukarane hadde skogalør i desse teigane, og høyet køyrde dei helst heim på vinterføret. Etter slåttan i Heiane kom Nakken ovafor Drotninghaug. Her hadde brukarane også skogalør. I Gjerda som låg mellom bøen på Lade og bytet mot Drotninghaug, hadde også Lade god slåttemark med høylør. Når all denne slåttan var gjort unna, barst det gjerne inn i setremarka i Ladedalen heilt inn til bytet mot Nysæter, og så slo dei teig for teig utover lægdene og åsane heile vegen ut til elva frå Sunndalen i eldre tid. Det gjekk jamvel ein gamal megasledeveg inn over desse lægdene nord for den rette bygdevegen.

Brukarane på Lade slo til «kvitefluga» kom, d.v.s. snøen. Med desse veldige viddene å fare over med god slåttemark, vart det ei travel onn og eit kapplaupe med tida for å få med mest mogleg. Det vart også eit kapplaupe med grannane, for teigane var tradisjonsbundne og gjerne rekna i dagsslåttar med omsyn til storleiken. Det var lita ære å hauste for ein pjask som ikkje greidde ein dagsslått, og den som til slutt vart sist ferdig med slåttan om hausten, fekk slåttekøysa. Det var eit fantasiuhyre som ikkje berre var ei skræme for borna., men kanskje meir for både husbondsfolket og tenarskapet. I denne tida hadde dei fleste brukarane leigt seg slåttekarar og rakstadeier som attathjelp, og deira ære stod og fall med husbondsfolket si.

Det gjorde ikkje annsemda mindre at når dei slo så lenge småhøy utover hausten, så kom dei andre haustonnene som tillegg samstundes. Det var håslåttan, potetopptakinga og skuren (skuronna). Og over heile bygda var det like lite ærerikt å bli sistemann i desse onnene som i slåttan. Dei hadde også kvar sitt uhyre som slo seg til hjå den som kom sist: håpisa, potetsnutlen og skurakallen.

Folkehumoren ut over bygda har på mange vis smidd strofer om denne store annsemda. Om karane på Lade vart det sagt at dei knapt hadde tid til å sove i verste småhøyslåttan. Dei kasta seg ned der skåren slutta, reiste brynestokken under hovudet og lèt att augo så mykje at dei sakna verda. Men då valtra gjerne bryneslokken, og slåttekarane vakna. Han var no for fullsvevd å rekne, og slåttan kom i gang att på ny frisk.

Måltidene var også sløsing med arbeidstida, sjølv om slåttefolket fekk mat på teigen. Ein av karane på Lade kom likevel fram til ei føremålstenleg løysing. Kona hans la potetball i ei treprins som ho hekta på mannen sin rygg. Når det var mattid på slåtteteigen, hadde mannen berre å lute seg litt ekstra framover, gjere eit lite rykk, og dermed kom potetballen trillande or prinsa, over skuldra og ned i neven. Mannen beit seg ei tugge, kasta så potetballen eit høvel eg stykke fram i graset, og så togg han alt medan han piska på og slo til han nådde i ballen og tok ei ny tugge før han kasta ballen vidare. Di forare han slo, di snøgare nådde han att potetballen til ei ny tugge.

I røynda var det vel på Lade som på dei andre gardane i bygda ei festleg tid medan småhøyslåttan stod på, sjølv om det var hardt tempo. Folk søv gjerne i skogaløene om natta i tørt, fjellurt-

angande småhøy, for vegen heim var for lang. Måltid heldt dei ute i det frie landskapet så sant det var ver til det, kanskje på løvollen, eller under ei bjerk. Der sat heile huslyden samla om ein redleg dall med potetball og ei skyrspann, eller annan slåttemat som kjøtsuppe (sodd), fisk og poteter med heimesmør og flatbrød, for ikkje å gløyme herrekost som spekeflesk og spekekjøtt med varme poteter og flatbrød, og med brål frå tørkande fjellgras rundt om.

Diverre hende det ikkje sjeldan at slåttefolket på Lade fekk malurt i begeret. Det var bufeet som skapte problemet. Store deler av slåttemarka vart også nytta som setrehamn for buskapen. På grunn av desse svære utslåttene kunne både Lade og Drotninghaug halde store buskapar. Og ikkje nok med det. Båe gardane tok mot storfe og hestar i hamnegang mot betaling. På denne måten vart talet på beitande dyr serleg stort. Så lenge desse dyra heldt seg til sameigemark, gjekk det på ei vis, endå det kravde eit godt tolmod om dei kom inn på slåtteteigen og både skjemde ut og trakka ned graset. Verre vart det om dyreflokkane frå andre gardar trengde over våndagarden og heim til Hjellane og Heiane som Lade åtte og brukte berre som slåttemark. I tillegg til dette kom misbyte av sambeitet på setra. Skikken var at kyrne både på Lade og Drotninghaug først skulle vere i vårbeitet før dei vart slepte i sambeitet på setra. Men det hende ikkje så sjeldan at når Lade kom på setra med dyra, var mykje av maten alt oppeten og stølsstykkar var snaugnaga av beitande storfe.

Av og til stadfeste oppsitjarane på Lade at det var ikkje berre gardfløgde dyr som var årsaka når buskapen frå Drotninghaug og andre stader braut seg over garden og ned i slåttemarka i Hjellane og Heiane. Toføtte skapningar hadde også ei hand med i dette spelet. Det var dropen som fekk begeret til å flyte over i 1794 då karane på Lade stemnde for retten dei to brukarane på Drotninghaug, Elling Sjursen og Jon Hallsteinsen. Retten vart sett på Lade 1. juli, og alt same dagen var det synfaring på setra og dei våndagardane dyra braut seg over. Frå garden på Lade som då låg på sørsida av elva, fylgde lagrettemennene elva nedafor Drotninghaug etter den såkalla buråsa. Lade klaga alt her på at Drotninghaug hadde freista å stengje denne råsa med eit gjerde utan led. Det kunne føre til at dyra måtte på elva for å kome vidare. Haust og vår hadde det farlege fylgjer. Vidare såg retten på den innegjerda slåttemarka Lade hadde aust for Drotninghaug og slåt-



temarka til Drotninghaug innafor. Ho var ikkje innegjerd, men skilde seg framandfor frå «Partenes fælles Sættermark ved een frå Fiddet nedrivendde Hiv.» Seterstølen som partane hadde sams, var også innegjerd med unnatak av nedste sida der det renn ein løk «eller en sagte rindende Aae eller Elv.» Retten såg på våndagardane og steingardane, og fann ut at dei var brotne av både folk og fe. Elling Sjursen Drotninghaug som må ha vore ein underleg skrue, fortalde då beint fram at når krøtera hans kom til desse våndagardane og steingardane, så kunne han ikkje lyfte dyra over dei. Difor var det ikkje anna råd, han måtte bryte opp gardane. Retten vurderte det oppetne høyet i slåttemarka til 5 lass. Eit lass vart til vanleg rekna til 6 våger, og kvar våg verdsett til 10 skl. Endskapen på saka vart ein hard dom over Elling Sjursen Drotninghaug som vart funnen skuldig i å ha brote seg veg til Lade si slåttemark mange gonger og på mange stader. «Et saadant egenmyndigt, selvraadigt, voldsomt, skadeligt og skammeligt Foretagende» vert straffa med valdsbøter etter lova. Men mellom anna fordi oppsitjarane på Lade ikkje hadde kravt strengaste straff og fordi Elling sjølv kanskje ikkje visste på førehand kor streng lova var på dette omkvervet, fann retten å kunne frikjenne Elling for dei valdsbøtene han hadde fortent. Men for å prøve «bvorhvidt hans Kaadhet lader sig Spege» for ettertida, fann retten at Elling Sjursen åleine måtte betale alle sakskostnadene som til vart 29 rdl. ,5 ort og 10 skl.

Gnissinga mellom Lade og Drotninghaug heldt likevel fram i åra som fylgde. Kyrne og hestane på Drotninghaug kom alt for ofte heim i Lade si slåttemark. Og serleg tykte Lade det var harmeleg at når kyrne deira kom på setra, var hamna alt snaugnaga. I oktober 1800 stemnde karane på Lade på nytt Jon Hallsteinsen og Elling Sjursen for retten som også denne gongen vart sett på Lade. Under synfaringa gjorde Lade framlegg om å dele setrehamna, og sjølv om det ikkje lukkast i første omgang, så enda rettssaka likevel med semje om deling. Bytelina vart dregen frå eit sva oppe i fjellet (Sætreffjellet) »—— hvor i en tvende Steen Nubber og oven over sees et hvidt Strik som staar strax uden for Joegierdet, derfra ned til Elling Drotninghaugs Steengaard, og videre ned efter i Lige Linie til Løgen i Dalen.» Marka som er utta, har garden Drotninghaug med både skog, febeite og slætte. Det som ligg innafor bytet og heilt inn til Nysæter, høyrer på same måten til Lade.

Frå denne tid har Lade såleis hatt eiga seter med ca. 3000 mål god beitemark der oppsitjarane på garden også hadde gode slåttefelt som var i bruk langt fram i 1900-åra. Då den nye vegen til Nysæter vart bygt gjennom dette området først på 1900-åra, var det folk på Lade som tykte det var meir enn ille at vegen øydela så mykje av tørkarvollane deira. I 1933 var det jordskifte på setremarka som då vart utlagd til eigedoms grunn. Opphaldet på setra med buskapen varde ca. 14 veker. Men då var det kome så langt ut på hausten at myrane var våte og veret vart kaldt, fortalde ei av dei siste setredeiene der inne, Johanne K. Lade (1895— 1969), som setra for Olafolket i 1950-åra. Det var også ho som fortalde at i gamle dagar helste gutane dei heimkomne setrejentene med salutt. På Lade skaut dei frå ein stein som stod ovafor attelegene i Olagarden. Jamnast var det 3 heiderlege skot. Likevel hende det stundom at det kom eit skot til, det fjerde. Det var eit «skit-skot». Men helga etter var det kyseldans. Der fekk jentene høve til å gjere opp med skyttarane for det fjerde skotet.

Næringsgrunnlaget på Lade har vore feal og åkerbruk som på dei fleste andre gardane i bygda. Garden har vore viss til korn, men her har vore farleg for snøfonn som har gjort skade på hus og jord, står det i ein matrikkel frå 1724. Det var truleg med tanke på snøfonna som gjekk ned i gamletunet i 1600-åra, slik at Lade måtte flytte husa sør om elva. Gamletunet låg etter tradisjonen der Jetmund- og Hau-Knut-tunet no ligg. Jetmundgarden har såleis både den gamle Johagen og Olahagen i tunet. Tungvint var det for Lade i dei ca. 200 åra husa stod på sørsida av elva å krysse dalen med store dyreflokkar til beite og med alt dei dyrka på jorda. Og eit endelaust slit var det kvart år på utslåttane for å skaffe nok mat til dei mange dyra. Men dei gilde utslåttane og fjellbeita var ein føremon som Lade ikkje fekk gratis. I lang tid måtte brukarane på Lade skatte meir av kvar ku dei fødde enn andre i kommunen. Frå 1930-åra var det slutt med småhøyslåttten, og frå 1950-åra vart det også slutt med seterdrifta. No er det berre for det meste småfe og fôringsoksar som beiter i setremarka. Dei fleste gardbrukarane la seg etter større storfe med høgre yting i 1940-åra, og dei tok då slåttemarka, serleg i Gjerda, i bruk som kulturbeite. Gardsdrifta har også vorte sterkt mekanisert i åra etter siste krigen. Men fleirtalet av gardane no er reduserte til støttebruk for dei som arbeider i industrien.

Skogen har også spela ei stor rolle for brukarane på Lade ned

gjennom tida. Det var nok svær barskog i desse markene i eldre tid. Ei og anna eldgamal fura står att i setremarka og vitnar om det. Og i myrane ligg digre tyrirøter. Tjørehjellar finst det også merke etter, m.a. der Fjellsæter Turisthytte vart bygd i 1927. Skogøydinga i slutten av 1500-åra og i byrjinga av 1600-åra gjorde det av med det beste av den gamle barskogen. Lade hadde flaumsag i den tida, og ho var mellom dei som skar mest bord først på 1600-talel. Oskar Lade i Jetmundgarden meiner at nokre jord-vollar og delder i Gjerda ved Storelva kan tyde på at der kan ha stått ei flaumsag. I 1610 skatta to brukarar på Lade av til 80 tylfter skorne bord. Det minka i 1612 til 50 tylfter, og i 1630-åra hadde det kvarve inn til 2—3 tylfter årleg. I 1654 spurde fogden brukarane på Lade kvifor dei ikkje hadde betalt skyldig sagskatt. Til det svara dei at dei hadde ikkje noko sagbruk, at dei i det meste kunne skjere seg ei bordtaksfjøl eller to til husbruk av eit tørt tre som dei kunne finne langt ut i fjella. Men det kosta ein svær umak, og det var alt anna enn lett å få eit slikt tre heim. Så stor mangel var det no på tømmerkog. Det var av den grunn dei ikkje hadde betalt sagskatt. Ein stor del av allmugen vitna at dette var den fulle sanninga. Landkommisjonen i 1661 opplyser at Lade hadde framleis ei lita bekkesag, men dei skar ikkje meir på henne enn til eige bruk.

Seinare er det lite å finne om denne saga. Men i 1918 kjøpte brukarane på Lade, Drotninghaug og eit par mann på Hjortdal ein stor elektrisk motor til å truske med, og for å utnytte denne motoren bygde eigarane ei sag på Lade ved postvegen. Denne saga vart mykje nytta i Velledalen frå 1920-åra og framover. Sjølv om det ikkje var så mykje barskog att i Velledalen, var det lauvskog. Såleis hadde Lade skog til både gagnbein og brennefang. Kvar vinter dreiv brukarane fram ein heil det skog også til famneved. Veden selde dei i Straumgjerde eller på Aure. Det var lang veg med hest, og om vinteren var det ofte dårleg føre, slik at dei måtte lesse veden over frå skoddeslede til hjulslede på Velle der det var mindre snø enn lenger oppe i dalen. Oftast leid det langt på natt før køyrarane nådde heim att til Lade. Men før industrireiseinga tok til spela salet av famneveden ei stor økonomisk rolle. Det var år dei hadde meir inntekt av skogen og veden enn av husdyra.

Elles var det vanleg at brukarane dreiv vinterfiskja. Dei stasjonerte då ute på øyane. Alt i 1742 vert det nemnt torskegarn, ein gamal kjempefæring og andre sjøbruksting i eit skiftebu på Lade,

og heilt fram til 1920-åra hadde m.a. Jetmundbruket både båt og naust i Straumgjerde. Såleis har også fisket hatt sitt å seie for levemåten. Til sjøfisket kom også aurefisket i Nysætervatnet om sommaren og ettersommaren. Det var både til glede og nytte, for vatnet var svært fiskerikt, og det baud ikkje på store vanskar å drage aure til middagsmat. I 1938 fekk Stranda kommune løyve frå departementet til å regulere vatnet for kraftverket på Fausa. Frå den tid har fisket vorte ringare og ringare, og mange meiner at det er reguleringa som er årsaka til det. Lade har også hatt eit godt jaktterreng i dei svære utmarksviddene sine, og ein må rekne med at brukarane på garden har vore flittige jegerar ned gjennom tida. Frå 1913 leigele garden jaktretten sin bort nokre år, men i seinare tid har brukarane gjort nytte av han sjølve.

Lars Petter K. Lade i Olagarden meinte i si tid at han hadde funne kopar i eit felt i denne utmarka, men drift har det ikkje vorte av det. Først på 1900-åra var det storparten av ungdomen på Lade som strauk til USA, og berre eit fåtal kom attende. I 1930 åra var det somme som freista med reveal som attåttnæring, men det vart snart slutt. Under og etter verdskrigen 1939—1945 kom den yngre generasjonen på garden med i industrireisinga. For Lade var det serleg Lade Møbelfabrikk (sjå bnr. 20) som kom til å få mykje å seie, ikkje minst etter at fabrikkens sette opp hus på Lade i 1951 og flytte heile verksemda dit.

#### MATRIKKELGARDEN.

Lade skatta i eldre tid som halv gard. Skylda vart rekna stundom i smørleige og stundom i fiskeleige, og dette gjer tilhøva noko ugreie. I 1582 hadde Giskeparten av Lade ei skatteskyld på 3 pd. 8 mrk. smørleige. Kor stor skylda var på h e i l e Lade i denne tida, er ikkje kjent. Men i 1626 var skatteskylda for Lade 3 våger fiskeleige. Slik heldt ho seg uendra til Landkommisjonen i 1661 endra henne til 2 våger smørleige. Ved matrikuleringa i 1666 vart skylda fastsett til 2 laupar 27 mrk. smørleige, som svarar til om lag 4 våger 2 pd. mrk. fiskeleige. I 1734 vart oppsitjarane på Lade saman med brukarane av dei andre smørskyldgardane i Sykkylven og Stranda innkalla til eit ekstrating på Langlo for å få klårleik i om dei svara landskyld av smørs takst eller to våger fisk av 1 laup smør. Brukarane på Lade kunne då fortelje at dei så langt attende som nokon visste, hadde betalt landskylda si i fisk. Frå denne tid

fekk Lade skylda si rekna i fiskeleige i skattelistene, 4 våger 2 pd. 6 mrk. Slik vart skylda ståande til ny skyld kom i 1838 med 12 skylddalar 2 ort 4 skl., revidert 1890 til 21,02 skyldmark.

Leidangen vart i 1666 sett til 2 geitskinn og 2 kalvskinn. I 1705 var leidangen 2 ort 16 skl., og i 1717 1 rdl. 1 mrk. 2 skl.

Tienda la garden i eldre tid til Giskegodseigaren som var «mestmann» og rådde over bygselen. I 1666 var tienda 5½ t. havre og 2 pd. ost, og i 1717 5 t. havre, 8 skp. bygg og 1 våg ost.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

1626: Då var der 4 mann, men berre 3 var namngjevne. Sår 13 t. korn. Sagbruk.

1643: 3 mann.

1666: 5 mann. Sår 15 t. korn, avlar 55 t. Fôrar 5 hestar og 60 naut. Brennefang.

1717: 4 mann. Sår 12 t. havre, 2½ t. bygg. Avlar 50 t. havre og 10 t. bygg. Fôrar 40 naut og 5 hestar. Brennefang. 3 små bekkekevernar, taksert til 8 skl. kvar.

1724: 4 mann. 1 mil frå sjøen. Viss til korn, farleg for snøfonn. Skade på hus og jord. Nok skog. Seter. 4 kvernar,

1802: 5 mann. Turvande brennefang. Sommarbeite for buskapen i utmarka og setra som høyrer til. Jordbruket gir ikkje heilt ut årwiss kornavling.

1864: Garden har udyrka jord som er skikka til dyrking, og utslåttar og fjellslåttar spelar ei viktig rolle. Hamnegangen er framifrå på alle måtar. Brennefang til husbruk. Lauvskog til forsurrogat. Litt bjerk til å selje. Det er mindre god veg til garden og langt til sjøen. Garden er tungbrukt.

1875: 7 mann. Sånad: 48 t. havre, 20 t. poteter, 10 ar med rotfrukt. Buskapen var: 5 hestar, 6 unghestar, 55 kyr, 20 ungdyr, 131 sauer, 39 geiter og 2 svin.

#### EIGARAR.

Lade kom inn under Giskegodset pinsedag 1544 då Eilef Hermanson selde sin og systrene Beret og Marie sine partar, i alt ⅔ av garden, til Truid Ulfstand g.m. Gyrvhild Fadersdtr. Sparre som i 1537 hadde ervt Giskegodset. «Befalingsmannen» på Giske, Jens Jute, skreiv under kjøpebrevet for Truid. I 1552 skifte Gyrv-

hild og den nye ektemannen hennar, Lage Brahe, noko av Giske-godset mellom ervingane, og då fall m.a. «2 dele i Lade» og ½ mællag i Lyshol på herr Laffur og fru Gjø Sund (Dipl.Norv. XII nr. 605, 640). I tida som fylgde hadde denne Giskeparten av Lade same eigar som Lyshol. Parten vart rekna til 3 pd. 8 mrk. smørleige då Gyrvild Fadersdtr. i 1582 gav Giskegodset til kong Fredrik II. I 1586 gav kongen forleningsbrev på det til den danske embetsmannen Johan Svave. På Lade sat det den gongen 2 brukarar på parten, Peder og Jetmund. Denne parten gjekk med Giskegodset over til brørne Hans og Henning Smith i 1653. Ervingane etter Henning tok seinare over parten, først enkja Margrethe Rasmusdtr. Stud som gifte seg att med borgundpresten Christopher Hierman. I 1600-åra ervde dotter til Henning, Henningia Smith som budde i Bergen, denne parten som då vart rekna til 3 våger 2 pd. 12 mrk. fiskeleige.

Det er uklart kven som åtte resten av Lade i slutten av 1500-åra og i byrjinga av 1600-åra, men truleg har det vore ein eller fleire av bøndene i distriktet, kanskje også av brukarane på Lade. I 1661 var ⅓ av Lade bondegods: Peder Salmundsen Lade i Andersgarden åtte ½ pd. smørleige, Peder Toresen Lade i Jogarden åtte 1 pd., og Jakob Olsen Aurdal på bruk A åtte ½ pd. Sistnemnde sin part gjekk over til sonen Hans Jakobsen Aurdal som truleg har selt til Peder Salmundsen Lade. Sjå meir om dette bondegodset under Brukarar.

Giskeparten selde Henningia Smith i 1730-åra til Paul Olsen Abelset på Solnør. Enkja etter han, Maren Elisabeth f. Brandal, gifte seg att med Knut Jørgensen Høeg frå Vegsund, og han åtte 3 våger 2 pd. 15 mrk. i Lade til han døydd i 1772. Styksonen Jørgen Paulsen Abelset styrde denne gardparten for mor si seinare, men Jørgen kom i gjeld, og han måtte pantsetje m.a. Lade i 1780. Kjøpmann Nils Wind på Taskeberget kjøpte så gardparten, men selde han i 1790-åra til fogden Andreas Nordløv. I skiftet etter han i 1798 ervde dottera Anne Hendrikka dette godset som frå henne gjekk over til sorenskrivar Staboe. Han selde så gardsbruka han åtte på Lade til bygslarane.

ANDERSGARDEN bnr. 1

*Peder* nemnd 1582 og 1586.

*Enkja*, brukar i 1603.

*Salmund Pedersen*, br. ca. 1605—ca. 1645. Frå ca. 1630 delte han garden med sonen

*Peder Salmundsen Lade* f. ca. 1602.

Br. halve garden ca. 1630—ca. 1645, sidan heile til ca. 1680.

I 1660 skatta han av eit bruk på 4 mællag, og i 1666 av 5 mællag 1 fjerdingsslag. I 1660-åra var Peder mellom dei få i bygda som åtte jordegods. Han skatta i 1661 av ½ pd. smørleige, truleg i eigen gard. Det kan svare til ⅓ mællag. Jordegodset auka seinare til 2⅓ mællag. Peder var gift med Sigrid Guttormsdtr. Ringstad.

Sonen

*Salmund Pedersen Lade* (f. ca. 1660, d. 1716) g.m. Marit Jakobsdtr. d. 1708.

Br. ca. 1680—ca. 1705.

Bruket hans var i 1700 på 6⅓ mællag. Av dette åtte han sjølv 2⅓ mællag som truleg var arv etter faren. Resten av bruket bygsla han. Skiftebuet etter Marit Jakobsdtr. i 1708 hadde 209 rdl. i brutto eige. Gjelden var 8 rdl. Buskapen var 1 hors (hoppe), 1 hest, 10 kyr, 2 kviger, 3 fjøskalvar, 2 ungalvar. Elles var det mange eignalutar i buet, m.a. for 45 rdl. i sylvty, eit linverks laken, fin bordduk, ein raud engelsk stakk, ein grøn «boffel bois» stakk, ei kåpe med spenne, ei svart trøye. Ein vevstad med røyrskai var der også.

Sonen

*Peder S<sup>1</sup>/almundsen Lade* (f. ca. 1679), d. 1746) g.m. Anne Jørgensdtr. Fet frå Jørngarden (f. ca. 1690, d. 1741).

Br. ca. 1705—1745.

Peder fekk nytt festebrev i 1720 frå Hans Møller på 2 pd. 9 mrk. fiskeleige. Resten av bruket åtte han sjølv. Heile bruket vart i 1732 rekna til 1 våg 1 pd. 18 mrk. Peder åtte også 3 fjerdingsslag jord i Nedre Furset. Dette selde han i 1735 saman med 3 fjerdingsslag 3 mrk. i Lade utan bygsel til Paul Jørgensen Vik som truleg var systerson hans. (Sjå også under Tjønes bnr. 1 Heljegjerdet.). I skiftet etter Anne i 1742 vart det nemnt at buet åtte 3½ mællag jord i Lade, men enkjemannen hevda at det var berre 2 mællag. Elles var der m.a. 2 sylvskeier, 2 tinnfat, 3 smørkinnner, lysestakar av messing, koparkjellar, 1 gamal kjempefæring, 6 torskegarn, 14 våger torsk. Brutto eige 147 rdl. Gjelden 13 rdl. I buet var det også eit krusifiks av sylv. Det tok skifteretten for skiftekostnader. Peder Salmundsen var lagrettemann. I skiftet etter han i 1746

vart 1 mællag av eignedomen utlagt til sonen Jørgen i Knutgarden på Velle. Dottera Anne fekk også 1 mællag. Versonen tok over bruket på Lade. Det var

*Anders Monssen Habostad* frå Stranda (f. 1718, d. 1785) g. 1744 m. Synnøve Pedersdtr. Lade (f. ca. 1717, d. 1772).

Br. 1745—1780.

Bygselbrev i 1745 frå Knut Høeg på 1 våg 1 pd. 18 mrk. Anders var lagrettemann. Andersgarden har fått namn etter denne brukaren. I hans tid minka bruket til 1 våg 3 mrk. Han åtte i 1774 1 mållag i Lade, men det er uvisst om det var i sitt eige bruk. Skifebuet etter Synnøve Pedersdtr. i 1773 hadde 100 rdl. i brutto eige. Gjelden var 14 rdl.

Versonen

*Lars Larssen Hjortdal* frå Larsgarden (f. 1747, d. 1811) g.l. 1777 m. Ide Andersdtr. Lade (f. 1753, d. 1781) g.2. 1782 m. Anne Pedersdtr. Tjønes frå Guleikgarden (f. 1752, d. 1819).

Br. 1780-1810.

Bygselsetel i 1780 frå Jørgen Abelse på 1 våg 3 mrk. Lars fødte i 1802 1 hest, 10 storfe, 20 småfe, og sånaden var ½ t. bl.korn, 4 t. havre. Bruket vart verdsett til 156 rdl. Skifebuet etter Lars i 1811 hadde 801 rdl. i brutto eige. Gjelden var 16 rdl. Skifebuet etter Anne i 1819 hadde 13 spd. i brutto eige. Gjelden var 6 spd.

Sonen

*Ola Sylvfest Larssen Lade* (f. 1780, d. 1854) g. 1814 m. Gyri Olsdtr. Sætre (f. 1788, d. 1828).

Br. 1810—1850.

Ole løyste ut bruket i 1810 av sorenskrivar Staboe for 300 riks-bankdalar. Han var lagrettemann i 1834, og skreiv då med førd penn. I 1836 var det jordskifte av innmarka på Lade. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 1 våg 3 mrk. revidert til 2 dlr. 3 ort og 17 skl. Buskapen i 1845 var 2 hestar, 10 kyr, 20 sauer og 4 geiter. I skiftet etter Gyri i 1828 hadde buet 314 spd. i brutto eige. Gjelden var 170 spd. Siste åra brukte Ole garden saman med sonen

*Lars Peter Olsen Lade* (f. 1816, d. 1866) g. 1848 m. Johanne Karoline Berntsdr. Dravlaus frå Ellinggarden (f. 1830, d. 1911).

Br. 1850—1866.

Barn: Ole Gregorius f. 1849, gift på bruket.



Skøyte til Lars Olsen i 1850 frå far hans for 300 spd. Bruket var i 1865 på 23 mål dyrka åker og eng, og 95 mål naturleg england. Sånaden var 4 t. bl.korn, 5 t. havre og 3 t. poteter. Buskapen 2 hestar, 11 storfe og 30 småfe.

Enkja Johanne Berntsdtr. fekk utlagt halve garden då Lars Peter døydde. Ho gifte seg att 1868 med Lars Peter sin bror

*Andreas Olsen Lade* (f. 1821, d. 1908).

Br. halve garden 1866—1878.

I 1875 fødte Andreas på sin halvpart av bruket 1 hest, 5 kyr, 14 sauer, 3 geiter. Son til Johanne frå hennar første ekteskap hadde fått utlagt den andre halvparten av Andersgarden. Det var

*Ole Gregorius Larssen Lade* (f. 1849, d. 1917) g. 1870 m. Anne Severine Henningsdtr. Hole frå Jørngarden (f. 1849, d. 1926).

Br. halve garden 1866—1878, sidan heile til ca. 1890.

Etter at han i 1878 fekk skøyte på stykfaren sin halvpart for 1000 kroner og kår, var Ole Larssen eigar av heile Andersgarden.

Ver sonen

*Ole Petersen Brunstad* frå Klausgarden (f. 1866, d. 1947) g. 1888 m. Anna Lovise Olsdtr. Lade (f. 1871, d. 1956).

Br. ca. 1890—ca. 1944.

Born: Johanne f. 1891 g.m. Lars Karl Andreassen Aure i Pihl-garden. Olivia f. 1896 g. 1918 m. Kristian Iversen Alstad.

Ole Petersen la ned eit stort arbeid på bruket. Han bygde både nytt stovehus og nytt løhus, og dyrka dessutan ein heil del jord. Om vintrane dreiv han fram famneved som han kørde til Aure eller Straumgjerde fram på vårparten.

Versonen

*Kristian Iversen Alstad* frå Borge i Lofoten (f. 1891, d. 1920) g. 1918 m. Olivia Olsdtr. Lade (f. 1896, d. 1960).

Born: Olea f. 1919. Kristian f. 1920.

Det var tanken at Kristian Alstad skulle ta over bruket. Han dreiv elles fiske. Men han døydde av spanskesykja. Det vart difor Olivia saman med foreldra som kom til å stå føre gardsdrifta. Siste tida var Olivia sjuk.

Sonen

*Kristian Kristiansen Lade* f. Alstad i 1920 bur på garden, som han ei tid dreiv saman med systera Olca.

JETMUNDGARDEN bnr. 2.

*Amund Pedersen*, br. ca. 1610—ca. 1635. Han var kanskje bror til Salmund Pedersen i Andersgarden.

*Ole*, br. ca. 1635—ca. 1645.

Etter Ole vart bruket delt fram til ca. 1680, kvar del rekna til 2½ mællag ½ fjerdingsslag. Den eine halvparten tok

*Hans Larsen*, br. ca. 1645—ca. 1660.

Han var truleg gift med enkja etter Ole. Etter han kom

*Ingebrigt Olsen* f. ca. 1618, br. ca. 1660—ca. 1680.

Den andre halvparten brukte

*Knut Jørgensen* f. ca. 1609, g.m. Ingeborg Olsdtr. (f. ca. 1653, d. 1733).

Etter at Knut var død, gifte Ingeborg Olsdtr. seg att med

*SjurJonsen Øvre-Lande* (f. ca. 1652, d. 1733).

Han tok over heile bruket, d.v.s. han skatta i 1705 av 4¾ mællag. I 1706 var Sjur lagrettemann.

Son til Ingeborg Olsdtr. frå første ekteskap tok over bruket. Det var

*Knut Knutsen Lade* (f. ca. 1684, d. 1743) g.m. Anne Jetmundsdtr. (f. ca. 1694, d. 1778).

Br. ca. 1715—ca. 1747.

Nytt festebrev i 1720 på 1 våg frå Hans Møller. Men han skatta av 1 våg 13½ mrk. i 1742.

Sonen

*Jetmund Knutsen Lade* (f. 1720, d. 1794) g.l. 1743 m. Siri Torsdtr. Dravlaus frå Toregarden (f. ca. 1702, d. 1761) g.2. 1762 m. Siri Eriksdtr. Stokke (f. Løvoll i Norddal 1726, d. 1802).

Br. 1747—1768.

Bygselsetel frå Knut Høeg i 1747. Skiftebuet etter Siri Eriksdtr. i 1802 hadde 29 rdl. i brutto eige. Gjelden var 3 rdl.

Sonen

*Knut Jetmundsen Lade* (f. 1744, d. 1825) g.l. 1772 m. Berte Rasmusdtr. Gjerde frå Straumgjerde bnr. 1 (f. 1746, d. 1783) g.2. 1785 m. Anne Sæmundsdtr. Dravlaus frå Samundgarden (f. 1761, d. 1844).

Br. 1768—1811.

Bygselsetel i 1768 på 4 mællag frå Knut Høeg. I Knut Jetmundsen si brukstid var det tvist mellom oppsitjarane på Drotninghaug og Lade om bytelina i setremarka. Det var rettsak både i 1794 og i 1800. Sist vart retten sett i Knut Jetmundsen sitt hus. I 1800

vart Knut stemd for retten av Elling Sivertsen Drotninghaug fordi Knut ikkje ville betale 16 rdl. som dei hadde vorte samde om for ein hest. Det var kona, Anne Sæmunddtr. som motsette seg handelen då ho meinte at mannen hennar var påverka av drykk.

Sonen

*Jetmund Knutsen Lade* (f. 1794, d. 1864) g. 1815 m. Berte Pedersdtr. Dravlaus frå Barbrogarden (f. 1794, d. 1878).

Br. 1811—1858.

Bygselbrev frå sorenskrivar Staboe i 1811 på 1 våg fiskeleige. Kår til Knut Jetmundsen og kona Anne. I 1842 fekk Jetmund Knutsen auksjonsskøyte på garden for 201 spd., og var med det sjølveigar. Etter tradisjonen var han ein gild bygningsmann. Han gjekk frå Lade til Vellegjerda, sette opp ei skogaløe, og gjekk tilbake same dag. Ei dotter Olave som var svært flink til å lese, vart etter tradisjonen klaga av naboar for å vere trollkjerring då ho gjekk for presten. Men på kyrkjebakken vart det gjort kjent at Olave var frifunnen for skuldinga, og klagarane vart dømde til å vere lygarar. Olave vart seinare gift med Torkild Halvorsen på Magerholm.

Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 1 våg, revidert til 2 dlr. 3 ort og 2 skl. Buskapen i 1845 var 2 hestar, 10 kyr, 20 sauer og 4 geiter.

Son til Jetmund

*Knut Jetmundsen Lade* (f. 1824, d. 1909) g. 1. 1856 m. Eline Andreasdtr. Aure frå Eliasgarden (f. 1837, d. 1861) g.2. 1862 m. Jensine Andreasdtr. Aure frå Eliasgarden (f. 1839, d. 1928).

Br. 1858—1882.

Born: Berte Johanne f. 1857 g.m. Lars *Andreas* Larssen Aure i Pihlgarden. Anne Eline f. 1863.

Knut Jetmundsen fekk skøyte på bruket frå far sin i 1858 for 300 spd. og kår. Han var den første som flytte husa frå sørsida av elva attende til gamletuftene på nordsida, der garden ligg no. Det var i 1862. Om vintrane dreiv han torskefiskja. I 1875 var buskapen i Jetmundgarden 1 hest, 1 unghest, 11 kyr, 5 ungdyr, 27 sauer, 10 geiter, og sånaden var 8 t. havre, 4 t. poteter og 4 ar med rotfrukt.

Knut Jetmundsen hadde ein systerson frå Bøen på Brunstad som gifte seg med Knut si systerdotter på Hellen, og dei tok over Jetmundgarden. Det var

*Jens Bastian Larssen Brunstad* (f. 1852, d. 1949) g. 1881 m. Berte Jensine Olsdtr. Hellen (f. 1863, d. 1916).

Br. 1882—1930.

Born: Knut Ludvik f. 1885, d. 1963. Utvs. nr. 707. Lars Olaus f. 1888. Utvs. nr. 708. Anna Jensine f. 1892. Husmor på garden. Ole Johan f. 1897 g. 1924 m. Lovise Jensdtr. Riksheim. Sjø Riksheim bnr. 12. Anne Petrine Karoline f. 1899. Sydame. Oskar Bernhard f. 1901. Har teke over bruket. Jensine Bergitte f. 1904. Strickerske.

Jens fekk bygselsetél frå Knut Jetmundsen Lade i 1882. Utlegg til førstebyggselen var 800 kroner, og den årlege bygselavgifta var 20 kroner. Knut Jetmundsen gjekk over på kår, og det var årleg 16 våger bl.korn, 16 våger havre, 4 t. poteter, dessutan for og røkt til 3 kyr, 8 sauer og 2 geiter, og røkt til 2 kyr i tillegg. Knut skulle også ha eit karstykke på ca. 6. mål, og som vanleg fritt hus og brensel. I 1899 fekk Jens kjøpe halve garden av Knut. Den andre halvparten gav Knut til versonen Andreas Larssen Aure i Pihlgarden.

Fram gjennom åra la Jens ned eit stort arbeid på bruket. Om vintrane dreiv han torskefiskja.

Sonen

*Oskar Jenssen Lade* f. 1901 fekk skøyte på den eine halvparten av bruket frå far sin i 1930, og same året fekk han skøyte på den andre halvparten frå enkja etter Andreas Larssen Aure, Berte Knutsdtr. Oskar Lade har dyrka opp bruket, og saman med systrene sine som har vore til god hjelp, har han ale fram ein gild buskap. Han bygde nydriftsbygning i 1935, og nytt stovehus i 1952. I 1955 bytte han ut hesten og kjøpte traktor i staden.

I ungdomstida la Oskar Lade ned eit gildt arbeid i det frilynde ungdomslaget i dalen. Han har vore medlem i kommunestyret, likningsnemnda, og fleire andre kommunale nemnder.

HAU-KNUTGARDEN, bnr. 3.

*Jetmund*, br. på Lade i 1582 og 1586.

*Ingebrigt*, br. 15.—ca. 1620.

*Tore Pedersen*, br. ca. 1620—ca. 1600.

*Ole Toresen Lade* (f. ca. 1636 d. 1698) g 1. m. ? g.2. m. Siri Kolbeinsdtr., truleg frå Hole (f. ca. 1653, d. 1733).

Br. ca. 1660--ca. 1690.

Ole skatta i 1666 av 2½ mællag ½ fjerdingsslag. Skiftet etter Ole i 1698 synte ca. 80 rdl. i eige, og av eignlutervar der m.a.

ei smørkanne i tinn og ein koparkjel. Sonen frå første ekteskap Peder Olsen ervde ei andaktsbok: Povel Andersøns Postil, Og Salmund Lade i Andersgarden, som var i slekt med Siri Kolbeinsdtr., ervde ei salmebok. Det må såleis ha vore lesekyndige folk i denne huslyden.

Son til Ole

*Tore Olsen Lade* tok truleg over bruket, for han er nemnd i skattelista for 1694. Han vart i 1689 dømd for å ha fått barn med Sigri Torstendtr. Ødegård (truleg Ytre Tandstad). Det heiter då at Tore var på «Oplandene», men i hans stad møtte far hans, Ole Toresen Lade, og han sa at han ville betale bøkene for baa. Tore og Sigrid skulle ektast. I 1698, då det var skifte etter Tore sin far, var Tore «forreist til Christiania». Det ser ut til at bror hans tok over bruket. Det var

*Peder Olsen Lade* (f. ca. 1679, d. 1727) g.1. 1722 m. Inger Kolbeinsdtr. Hole (f. ca. 1672, d. 1722) g.2. 1723 m. Anna Rasmusdtr. Par frå Sunnylvn (f. ca. 1678, d. 1766).

Br. 1696—1728.

Bygselsetel frå 1696, tinglyst 1699 frå Henning Smith på 3 mællag 3 mrk. Nytt festebrev i 1720 frå Hans Møller på 1 våg 13 ½ mrk. I 1722 vart Peder Olsen stemnd for retten av Jørgen Høeg for «usømmelige og utilbørlige Ord». Peder Olsen sa at han plagast med ei grein av fallesykje, og var stundom sanselaus. Han bad inderleg om tilgjeving, og gjorde det klart at han hadde inkje å utselje på hr. Høeg. Han slapp med det. Skiftebuet etter Peder i 1728 hadde 74 rdl. i brutto eige. Gjelden var 24 rdl.

Enkja Anna Rasmusdtr. gifte seg att i 1729 med

*Knut Iversen Hole* frå Haugen bnr. 10 (f. ca. 1704, d. 1777).

Br. 1728—1760.

Bygselbrev i 1728 frå Hans Møller på 1 våg 13½ mrk. Knut var lagrettemann i 1744. I skiftet etter Anna Rasmusdtr. i 1766 synte buet ei brutto eige på 49 rdl. Gjelden var 7 rdl. Knut gifte seg visstnok opp att med Torina Torsdtr. d. 1785, 76 år gamal. Skiftebuet etter Knut i 1777 hadde 94 rdl. i brutto eige. Gjelden var 10 rdl. Tunet har truleg fått namn etter «Hau-Knut».

Brorson til Knut Iversen tok over bruket. Det var

*Rasmus Larssen Hole* (f. 1731. d. 1772) g. 1760 m. Anne Pedersdtr. Par (f. ca. 1731, d. 1772).

Br. 1760—1772.

Bygselsetel på 3 mællag frå Knut Høeg i 1760. Rasmus skulle

legge dette kåret til farbror sin: 6 våger bygg, 10 våger havre, før til 3 kyr, 5 sauer og 3 geiter, men då skulle Knut på si side arbeide for Rasmus om våren, sommaren og hausten. Rasmus Larssen og kona døydde båe våren 1772 og vart jordfeste same dagen. Buet deira hadde 88 rdl. i brutto eige. Gjelden 31 rdl. Rasmus og Anne hadde 4 born. Den eldste, Helge, var berre 11 år. Det er noko uklart kven som dreiv Hau-Knutbruket i åra som fylgde, men truleg var det bror til Rasmus

*Iver Larsen Hole* (f. 1738) g. 1769 m. Guri Jonsdr.

Dei var på Lade både i 1772 då dei bar ei dotter Ingeborg til dåpen, og i 1783 då Iver vert nemnd som gardmann på Lade,

Same året går Hau-Knutbruket over til Rasmus Larssen sin son

*Helge Rasmussen Lade* (f. 1761, d. 1803).

Han skreiv seg Nedrevoll då han i 1783 gifte seg med enkja Guri Jakobsdr. (f. Brunstad 1734, d. 1789) g.2. m. Dorte Jakobsdr. d. 1807, 48 år gml. Mor hennar, Kari Gundersdr., var frå Rønneberg i Norddal. Ho var gift i Valde skipreie. Bygsetel i 1783 til Helge Rasmussen på 4 mællag frå Jørgen Abelse. Helge sat som brukar til han døydde, sidan hadde enkja bruket til 1807. Skiftebuet etter førstekona i 1789 var fallitt. Buet etter Helge i 1803 hadde 149 rdl. i br. eige. Gjelden var 88 rdl. Dorte hadde ein son før ho gifte seg («slegfredsønn»), og denne sonen tok over bruket. Det var

Gander Jakobsen Lade (f. ca. 1779, d. 1872) g. 1807 m. Johanne Olsdr. Eidem, Jenshaug bnr. 6 (f. Klokkehaug 1775, d. 1856).

Br. 1807-1844.

Gunder kjøpte bruket i 1807 for 300 riksbankdalar av sorenskriver Staboe, men selde same dagen bruket til Salmund Larssen Brunstad for same pris, og vart hans bygselmann. Festesetel i 1807. I 1836 var det skifte av innmarka på Lade. Ved den nye skyldsettinga i 1838, vart den gamle skylda i Hau-Knutgarden, 1 våg, revidert til 2 dlr. 3 ort 2 skl.

I 1844 gjekk Gunder Jakobsen og kona over på kår og let bruket over til

*Lars Olaus Salmundsen Brunstad* (f. 1816, 1910) g. 1843 m. Anne Marie Larsdr. Velle frå Åmundgarden (f. 1820, d. 1871).

Br. 1844—1874.

Han ervde noko av bruket i skiftet etter mor si i 1824 og løyste resten av syskena sine i 1840 og 1843. Han fødte i 1845 2 hestar,

10 kyr, 20 sauer, 4 geiter, og sånaden var 3 t. bl.korn, 4½ t. havre og 1 t. poteter.

Versonen

*Jakob Severin Larssen Aure.* (f. 1841, d. 1916) son til Lars Bastian Aure i Pihlgarden og Helge Berntsdtr. Dravlaus i Ellinggarden gifte seg med Jensine Larsdtr. Lade (f. 1847, d. 1933).

Br. 1874—ca. 1905.

Born: Lars Gunder f. 1868, d. 1926. Skomakar. Andreas f. 1881, g. på bruket.

Skøyte frå Lars Olaus Salmundsen i 1874 for 300 spd. og kår. Buskapen i 1875 var 1 hest, 1 unghest, 7 kyr, 5 ungdyr, 26 sauer, og 8 geiter. Dessutan kår-dyra til Lars Olaus: 3 kyr, 1 ungdyr, 4 sauer og 2 geiter. Sånaden var 10 t. havre, 4 t. poteter og 3 ar med rotfrukt. Ved den nye skyldsettinga i 1890 fekk Hau-Knut-bruket skylda revidert til 4,44 skyldmark.

Det var Jakob Larssen som sette opp att nye hus i gamle tunet etter at dei flytte «burta tuna» på sørsida av elva. I ljoren på Hau-Knutstova som framleis er i bruk, står årstalet 1818. Det er mogleg at stovehuset vart bygt då.

Sonen

*Andreas Bastian Jakobsen Lade* (f. 1881, d. 1965) g. 1905 m. Johanne Severine Petrine Amundsdtr. Hole frå Haugen bnr. 10 f. 1883.

Br. ca. 1905—1952.

Born: Johan Anton Lauris f. 1906. Utvs. nr. 703. Arne Selmer f. 1909 g. 1941 m. Marie Martinusdtr. Grøndal frå Langevåg. Lade bnr. 22. Lars f. 1912. Sjø Straumgjerde bnr. 24. Julie Marie f. 1914 g. 1939 m. Lauritz Synnes, Vigra. Hjalmar Bernhard f. 1917 g.m. Oddbjørg Myrås frå Fiksdal, Lade bnr. 21. Asbjørn Johannes f. 1919 g.m. Kirsten Sigvardsdtr. Strøm frå Straumgjerde bnr. 8. Sjø Straume bnr. 29. Martin Kåre f. 1921, g. på bruket. Albert f. 1925 g.m. Aase Hedquist frå Oslo. Utvs. nr. 702.

Andreas Jakobsen brukte garden saman med foreldra sine første åra. Men etter nokre år tok han over bruket åleine. Skøyte fekk han frå mor si i 1923 for 4000 kroner og kår. Andreas og Johanne Lade la ned mykje arbeid på bruket og med feet. Dei dyrka m.a. opp all marka framma Reiteledgrova. Andreas fekk Møre og Romsdal Landbruksselskap sin premi og pokal for jorddyrking. I Hau-Knutgarden fødte dei i denne tida 1 hest, det var som oftast ei følmerr, dessutan 8 mjølkekyr, nokre ungdyr og 8—10

sauer. I fisketida vintrane arbeidde Andreas i mange år på sjøbuder i Ålesund, m.a. hjå Kongshaug. Andreas og Johanne hadde ein einaste ferie og ei stor oppleving då det var på vitjing til borna sine i USA i 1957.

I 1952 delte tre av sønene bruket mellom seg. Etter delinga fekk kvart stykke 1,47 mark i skyld. To av brørne flytte ut, og sette opp hus på stykka sine som låg lenger aust: Arne Lade tok over Midtbø bnr. 22, og Hjalmar Lade tok over Bjørkhaug bnr. 21 som låg lengst aust. Nest yngste broren tok over heimebøen med husa på gamlebruket. Det var

*Martin Kåre Andreassen Lade* f. 1921 g. 1045 m. Asbjørg Severinsdtr. Langva frå Flemsøy f. 1924.

Br. frå 1952,

Born: Astor f. 1945, landbruksutdanning, no møbelagent, g.m. Sølvi Antonsdtr. Løvoll frå Åheim. Bygt hus på Ørsnes. Inger Johanne f. 1947 g. 1970 m. Hallbjørn Bothnen, Ørsta. Synnøve f. 1952 g. 1973 m. Odd Gjersdal frå Volda. Oddbjørn f. 1957. Linis f. 1958.

Martin Lade bygde om og bygde på stovehusa i 1956, og bygde ny løe i 1968. På bruket fødte dei første åra 3 mjølkekyr og 2 ungdyr. I seinare år har dei hatt berre nokre sauer og ungdyr. Martin Lade arbeider elles i industrien. Han er avdelingssjef ved Lade Møbelfabrikk. Medlem i kommunestyret.

JOGARDEN bnr. 4.

*Peder Toresen Lade*, f. ca. 1606, br. 2½ mællag ½ fjerdingsslag ca. 1640—ca. 1680. Han kan vere son til Tore Pedersen i Hau-Knutgarden, og har i så fall delt garden med han. I 1661 åtte Peder 1 pd. smørleige av Lade, d.v.s. ca.  $\frac{1}{6}$  av heile garden. Noko seinare løyste han ut tredjeparten av Drotninghaug, ca. 16 mrk. smørleige som Svend Eidem hadde ått.

*Lars Olsen* (f. ca. 1652, d. 1722) g.l. m. Anne Jetmundsdr. d. 1695, g.2. m. Kari Olsdtr. Lade (f. ca. 1662, d. 1740). Ho var truleg dotter til Ole Toresen i Hau-Knutgarden og i så fall brordotter til Peder Toresen som tidlegare sat med dette bruket. Lars sat med bruket frå ca. 1680 til 1718. Kari gifte seg som enkje opp att med enkjemannen Lars Olsen Blindheim i Larsgarden og flytte dit.

Versonen til Lars Olsen tok over dette bruket. Det var



*Jon Sjursen Lade* frå Jetmundbruket (f. ca. 1697, d. 1745) g. 1721 m. Marte Larsdtr. Lade (f. 1701, d. 1773).

Br. 1718—1758.

Byggselsetel i 1718 frå Hans Møller på 2 pd. 22½ mrk. fiskeleige, nytt festebrev på same jordverde i 1720.

Sonen

*Sjur Jonsen Lade* (f. 1723, d. 1781) g. 1759 m. Anna Jonsdtr. Brunstad (f. 1733, d. 1819).

Br. 1758—1784.

Byggselsetel i 1758 frå Knut Høeg på 2 pd. 22½ mrk. Buet etter Sjur i 1781 hadde 54 rdl. i brutto eige, gjelden var 31 rdl.

Enkja Anna Jonsdtr. gifte seg att i 1783 med

*Jon Jonsen Åsen* (f. ca. 1744, d. 1824) som var son til Inger Jonsdtr. Stadem som seinare vart gift med Knut Eriksen Åsen i Sykkylven. Jon voks opp i Åsen, konf. i Sykkylven 1762. Han fekk byggselbrev på Jobruket i 1784, og brukte 2 pd. 22½ mrk. til 1788. I denne tida skifte bruket eigar. Styksonen til Knut Høeg pantsette eigedomen i Lade i 1780. Parten gjekk seinare over til futen Nordløy. Han selde 2 pd. 14¼ mrk. av Jobruket til Ingebrigt Pedersen Velle, som truleg hadde ervt noko i Jobruket før. Ingebrigt Pedersen bygsla så bort bruket til Sjur Jonsen Lade sin son

*Karl Sjursen Lade* (f. 1763, d. 1819) g. 1788 m. Anne Olsdtr. Dravlaus frå Karolusgarden (f. 1761, d. 1830).

Br. 1788 -1812.

Byggselsetel frå Ingebrigt Pedersen Velle i 1788 på 2 pd. 23½ mrk. Bruket vart i 1802 verdsett til 159 rdl. Karl Sjursen var lagrettemann.

Sonen var

*Syver Andreas Karlsen Lade* (f. 1792, d. 1874) g. 1819 m. Johanne Lassesdtr. Grebstad frå Pegarden bnr. 10 (f. 1787, d. 1864).

Br. 1812—1849.

Han løyste ut garden i 1812 av enkja Siri Olsdtr. Velle og versonen hennar Tore Brunstad for 800 rdl. Kår til mora Anne Olsdtr. frå 1819. Syver var lagrettemann. Han var ikkje berre skrivekunnig, han var også noko av ein diktar. Såleis skreiv han eit minnedikt «om drengene Peter Petersen og Sevrin Petersen Melsets død 2. februar 1856, då de tillige med en anden dreng bortkom på søen på en reise til Ålesund og var i følge med sin fader og en dreng frå Lom som tjente på Melset». Melodien: «All verden

er idel forfengeligheid.» Diktet vart prenta i «Sykkylvsbladet» i. 1959. Syver var kjøkmeister, og det vert sagt at han hadde ei svær songrøyst.

I 1836 var det jordskifte på Lade. Om lag på denne tid bygde han ny stove i Latunet.

Ved den nye matrikuleringa i 1838 vart den gamle skylda på bruket rekna til 2 pd. 23¼ mrk. Denne skylda vart revidert til 2 dlr. 2 ort 21 skl. I 1845 var buskapen 2 hestar, 10 kyr, 20 sauer og 4 geiter. Sånaden var 3 t. bl.korn, 4½t. havre og 1 t. poteter.

Sonen

*Mads Andreas Syversen Lade* (f. 1819, d. 1874) g. 1848 m. Tyri Kristofa Petersdtr. Aurdal frå Knutgarden (f. 1831, d. 1916).

Br. 1849 — 1871.

Born: Johanne Severine f. 1850 g. på bruket. Syver f. 1853, busett Langevåg, gift. Eline f. 1858 g.m. Lars Karl Larssen Straume frå Jogarden. Busett Ikornnes Ytre bnr. 3 Myra.

Skøyte til Mads frå far hans i 1849 for 300 spd. og kår. Bruket vart i 1864 rekna til 3 mål innmark og 80 mål naturleg england. I 1865 var buskapen 2 hestar, 11 kyr, 18 sauer og 4 geiter. Sånaden var 8 t. havre og 2 t. poteter.

Same året som Mads gav frå seg bruket, 1871, vart Rimeplassen bnr. 5 utskilt frå Jogarden. Mads vart ståande som eigar av plassen. Resten tok versonen over. Det var

*Hans Edvard Lassesen Nysæter* (f. 1842, d. 1920) g. 1868 m. Johanne Severine Madsdtr. Lade (f. 1850, d. 1937).

Br. 1871—ca. 1892.

Born: Lars Martinus f. 1868 g. på bruket. Tomasine f. 1871 g.m. Jakob Nilssen Nakkegjerdet.

Skøyte frå Mads Syversen i 1871 for 300 spd. og kår. Dessutan fekk bror til Johanne Severine, Syver i Langevåg, kår fordi han sa frå seg odelsretten. Han flytte stova og løa frå Latunet i 1870-åra og sette opp att husa der dei står no. Han utvida bustadhuset med ei stovelengd, to kammers og ein gang.

I røynda dreiv visstnok Hans og verfaren bruket første tida. I 1875 åtte Hans halve buskapen: 1 hest, 6 kyr, 9 sauer, 1 geit, og vermora som no var enkje åtte 1 unghest, 6 kyr og 9 sauer. Sånaden var 9½ t. havre, 3 t. poteter, 3 ar med rotfrukt

Son til Hans tok over bruket. Det var

*Lars Martinus Hanssen Lade* (f. 1868, d. 1946) g. 1892 m. Elen Knutsdtr. Fausa (f. 1867, d. 1928),

Br. ca. 1892—ca. 1935.

Born: Hans Karl f. 1893. Utvs. nr. 710. Johanne Marie f. 1895 g.m. Ole M. Fet i Pålgarden. Elisa Thomasine f. 1896, husmor i Jogarden frå 1930-åra. Knut Ingvald f. 1898. Utvs. nr. 711. Thomasine *Karoline* f. 1900 g.m. Andreas Olsen Drabløs. Busett Aure bnr. 40. Petter Jørgen (f. 1901, d. 1908). Lauritz f. 1903. Utvs. nr. 712. Død 1963. Emil f. 1905. Utvs. nr. 709. Petter f. 1908 g.m. Thea O. Sætre. Bustad: Vik bnr. 44. Sverre f. 1909. Tok over bruket. Julie f. 1912 g.m. Johan O. Sætre (bnr. 1).

Lars Martinus og kona hadde ein stor barneflokk, og det vart mange tunge tak å ta for å livberge så mange. Han la ned mykje arbeid på bruket, og dyrka ein heil del jord. Elles reparerte han stovehuset, bygde nytt stabbur, og vølte løa. Om vintrane var han på fiskearbeid i Ålesund. Han fødte 1 hest, 1 unghest 10 mjølkekyr, ungdyr og 12 sauer.

Son til Lars Martinus tok over bruket etter han. Det var

*Sverre Larssen Lade* f. 1909. Han bygde ny løe på bruket i 1950-åra, og har elles vølt stovehuset. Nokre vintrar dreiv han fiske. I sine beste år fekk Sverre Lade astma, og dette gjorde han etter kvart nokså arbeidsufør. Sister hans Elisa har i seinare år vore husmor i Jogarden.

#### RIMEPLASSEN bnr. 5.

Utskild frå Jobruket bnr. 4 i 1871 med skyld i ort, rev. 1890 til 0,35 mark. I 1916 vart Gjerdeplassen, bnr. 4 på Drotninghaug, kjøpt av Rimefolket som seinare har hatt baa plassane,

Første brukarane i Rimen var

*Knut Olsen Haugset* frå Bøplassen under Reiten bnr. 1 (f. 1840, d. 1905) g. 1861 m. Bergitte *Tomasine* Jetmundsdtr. Strømme frå Reiten (Jetmundplassen) bnr. 5 på Straume (f. 1834, d. 1926).

Br. 1862—ca. 1890.

Bygselsetel i 1863 frå Mars Syverstm Lade i Jogarden. Ervingane etter Mads selde i 1879 Rimeplassen til Knut Olsen for 1.200 kroner, og Knut var no sjølveigar. Men han måtte setje seg i gjeld for å greie kjøpet, og denne gjelden sleit han med all sin dag sidan,



*Ole Knutsen Lade var liksom faren ein kjend spelemann i Sykkylven. Dei var b e mykje nytta b ade i bryllaup og i andre festlege samkome. Ole sat i trange k ar, men musikkgeda hans var levanande like til det siste.*

*Fotograf: ukjend.*

I 1865 f dde Knut 2 kyr, 4 sauer og 2 geiter p  plassen, og s naden var   t. havre og 1 t. poteter. I 1875 var buskapen 1 unghest, 4 kyr, 9 sauer og 5 geiter. S naden var 2  t. havre og 2 t. poteter.

Rime-Knut var ein kjend felespelar i bygda. Etter tradisjonen hadde han l rt av morbror sin, Lars Petter Knutsen Hjortdal i Pegarden («Gamle-Hjortdal'n»).

Sonen

*Ole Knutsen Lade* (f. 1860, d. 1930) g. 1881 m. Karoline Niko-laisdtr. Velle fr  Askjellgarden bnr. 7, (f. 1858, d. 1949).

Br. ca. 1890—1920.

Born: Knut f. 1885 g.m. Olianna Fr s ye fr  Sunn lven. Uts. nr. 715. Olaf f. 1887. Uts. nr. 716, Johan f. 1890. Uts. nr. 714. Tomasine (Sina) f. 1892. Uts. nr. 713. Karl Johan f. 1895 g. p 

bruket. Anna f. 1897, g.m. Arne Sletvik. Busett i Trøndelag. Oskar f. 1900. Sjuk,

Ole Knutsen dreiv plassen saman med foreldra første tida. Han dyrka opp plassen, og saman med kona streva dei på beste måte i trange kår. Sonen Olaf Olsen fekk i 1916 kjøpe Gjerdeplassen bnr. 4 på Drotninghaug av Aron Drotninghaug i Bødagarden for 1000 kroner. Olaf som då var i USA, døydde i spanskesykja i 1918. Far hans, Ole Knutsen ervde Gjerdeplassen.

Ole Knutsen Lade var ein kjend felespelar. Saman med far sin spelte han i bryllaup og andre samkomer både i Sykkylven og andre bygder.

Sonen

*Karl Johan Olsen Lade* (f. 1895 d. 1937) g. 1916 m. Marta Pedersen frå Aukra f. 1887.

Br. frå 1920—ca. 1940.

Born; Kaspar f. 1916, har teke over bruket. Oddny f. 1918 g. 1954 m. Bernhard Olsen Grebstad. Grebstad bnr. 6. Anna f. 1921 g. 1950 m. Arne Berg Hanssen frå Hemne. Lade bnr. 35. Olger f. 1924 g.m. Jessy Jonsen frå Vesterålen. Straumsheim bnr. 25.

Karl Johan Lade fekk skøyte på Rimen bnr. 5 på Lade og Gjerdeplassen bnr. 4 på Drotninghaug frå far sin Ole Knutsen i 1920 for 4000 kroner og kår. På bruket fødde dei 3—4 mjølkekyr og nokre sauer. Karl Johan bygde nytt stovehus i 1930. Han braut ein god del jord, og la ned mykje arbeid med bruket. Han tok seg elles førefallande arbeid, arbeidde ei tid i Ålesund, og dreiv også litt vegarbeid. I ungdomstida var han ute for eit uhell på jakt. Han støyte børsekolben etter ein skadd fugl, og dermed gjekk skotet av. Karl Lade fekk stygg skade i ei hand, men kom elles velberga frå det,

Sonen

*Kaspar Karlsen Lade* f. 1916 har no teke over både Rimen bnr. 5 på Lade og Gjerdeplassen bnr. 4 på Drotninghaug. Desse to plassane ligg byte i byte. Kaspar har halde ved like bruket, og fôrar no ein del sauer. Han har også modernisert stovehuset og ordna i fjøset. Elles har han planta ut ein del av bruket med frukttre. Ved sida av arbeidet med bruket har han arbeidt på fabrikk.

OLAGARDEN bnr. 6.

Første brukaren i Olagarden var

*Ole Knutsen Lade* (f. ca. 1716, d. 1762) g. 1744 m. Mari Ellingsdtr. Lyshol (f. ca. 1713, d. 1790).

Br. 1743—1763.

Det er noko uklart kvar Ole Knutsen kom frå. Fleire ting tyder på at han var frå Jetmundgarden på Lade, og at han har fått ein part av denne garden. Bygselsetel i 1743 frå Knut Høeg på 1 mællag 17<sup>5</sup>/<sub>8</sub> mark.

Enkja Mari Ellingsdtr. gifte seg att 1764 med

*Ole Eriksen Stave* (f. 1734, d. 1786).

Br. 1763—1783.

Bygselbrev frå Knut Høeg i 1763 på 2 mællag 16<sup>1</sup>/<sub>2</sub> mrk. I 1769 kom Ole og ein mann frå Blakstad for retten fordi dei i «fiskeriets tid forøvet slagsmaal i Stenvaagen». Kvar måtte bøte til Molde Hospital med 3 x 6 lodd sylv som svara til 9 rdl.

Verson til Ole Knutsen tok over bruket. Det var

*Peder Pedersen Brudevoll* frå Jogarden (f. 1754, d. 1813) g. 1784 m. Sigrid Olsdtr. Lade (f. 1752, d. 1823).

Br. 1783—1816.

Bygselsetel i 1783 frå Jørgen Abelset på 2 mællag 16<sup>1</sup>/<sub>2</sub> mrk. Bruket hans vart i 1802 verdsett til 116 rdl. Peder var lagrettemann i 1803, og skreiv med eiga hand. Skiftebuet hans hadde 158 rdl. i brutto eige. Gjelden var 49 rdl.

Sonen

*Peder Pedersen Lade* (f. 1790) g. 1817 m. Anne Pedersdtr. Straumsheim (f. 1799).

Br. 1816—1827.

Bygselsetel frå sorenskrivar Staboe på 2 pd. 3<sup>3</sup>/<sub>4</sub> mrk. Kår til Sigrid Olsdtr.

Bror til Peder tok over bruket Det var

*Petter Olaus Pedersen Lade* (f. 1793, d. 1866) g. 1825 m. Helge Knutsdtr. Brudevoll frå Larsgarden (f. 1782, d. 1836) g.2. 1840 m. Gjertrud Olsdtr. Øvre Sjøvik (f. ca. 1801, d. 1870).

Br. 1827—1847.

Bygselsetel frå sorenskrivar Staboe i 1827 på 2 pd. 2<sup>3</sup>/<sub>4</sub> mrk. I 1842 fekk Petter Olaus auksjonsskøyte på bruket for 171 spd., men selde same året for 186 spd. til Ingebrigt Olsen Brudevoll i Jogarden. Frå den tid vart Petter Olaus bygselmann att. I 1836 var det jordskifte på Lade. Ved skyldsettinga i 1838 vart den

gamle skylda 2 pd. 33¾ mrk. endra til 1 dlr. 4 ort og 10 skl. På bruket fødde dei i 1845 2 hestar, 8 kyr, 14 sauer, 3 geiter, og sånaden var 2½ t. bl. korn, 4 t. havre og 1 t. poteter.

Son til nest føregående brukar tok over garden. Det var

*Peter Andreas Pedersen Lade* (f. 1817, d. 1860) g. 1846 m. Inger Olsdtr. Løvoll f. 1820, d. 1892).

Br. 1847—1864.

Born: Severine Hansine f. 1845. Tok seinare over bruket. Anne Oline f. 1858 g.m. Lars Petter Larsen Hjortdal i Pålgarden.

Bygselsetel i 1847 frå Ingebrigt Olsen Brudevoll. Kår til Petter Olaus Pedersen og Gjertrud Olsdtr.

Enkja Inger Olsdtr. gifte seg att 1862 med

*Lars Karl Andreas Syversen Lade* frå Jogarden (f. 1820, d. 1896).

Br. 1864-1874, sidan halve bruket til 1885.

Barn: Johanne f. 1864 g.m. Ole Peter Larssen Hole frå Knutgarden. Sjå også Hole, Nygarden, bnr. 2 som dei tok over.

Lars *Karl* Syversen fekk bygselsetel på Olagarden i 1864 frå Ingebrigt Olsen Brudevoll. Olabruket vart då rekna til 20 mål innmark og åker, og 70 mål naturleg engmark. Sånaden på bruket i 1864 var 3 t. bl.korn, 3 t. havre og 2 t. poteter. Avlinga var omlag 15 t. bl.korn, 16 t. havre og 16 t. poteter. Buskapen var 1 hest, 9 storfe og 22 småfe. Av småfeet var 4—5 geiter, resten sauer.

Verson til Inger Olsdtr. frå første ekteskap tok over bruket Det var

*Kristian Olsen Søvik* (f. 1838, d. 1908) g. 1872 m. Severine *Hansine* Pettersdr. Lade (f. 1845, d. 1928).

Br. halve garden 1874—1885, sidan heile til 1910.

Born: Lars Petter f. 1872 g. på bruket. Ingeborg (Inger) Hanna Birgitte f. 1876 g.l. m. Lars Jenssen Strømmegjerde (bnr. 9). Ho vart seinare gift Ekrol.

Kristian vart konfirmert i Sykkylven 1853, og foreldra hans, Ole Arnesen f. Tvergrov 1797, g. 1826 m. Brit (Bergitte) Knutsdtr. f. Kvistad 1793, brukte då ettemamnet Løvoll. Ole Arnesen gifte seg att i 1853 m. Siri Larsdtr. Lade, men ved dette høvet brukte han ettemamnet Søvik. Det same gjorde sonen Kristian då han gifte seg i 1872. Han hadde m.a. syskena Ragnhild g. til Hole bnr. 2, og Berte (Tvergrov-Berte) på Øggaplassen under Straume bnr. 3.

Kristian Olsen kjøpte ut heile bruket av Ingebrigt Olsen Brude-

voll i 1874 for 560 spd. Kår til Karl Syversen og Inger Olsdtr. frå 1885. I 1875 åtte Karl Syversen 1 hest, 2 kyr, 3 ungdyr, 9 sauer, 1 geit og 1 gris. Kristian Olsen åtte 1 unghest, 3 kyr, 2 ungdyr, 8 sauer og 2 geiter. Sånaden på bruket var 8 t. havre og 2 t. poteter. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda på Olabruket revidert til 3,17 skyldmark.

Son til Kristian Olsen tok over bruket. Det var

*Lars Petter Kristiansen Lade* (f. 1872, d. 1923) g. 1915 m. Johanne Karlsdtr. Brunstad frå Nakkeberget bnr. 7 (f. 1895, d. 1969).

Br. 1910—1961.

Born: Solveig f. 1916 g.m. Leidulv Liaskar frå Volda. Sjø Lade bnr. 16. Konrad f. 1919 g. på bruket.

Dessutan hadde Johanne dottera Laura f. 1924 g.m. Odd Liaskar frå Volda. Sjø Lade bnr. 27.

Lars Petter dyrka opp garden, serleg la han ned mykje arbeid med grøfting og rydding på den delen som låg nedafor vegen. Elles bygde han ny løe. Han leita mykje etter metall i fjella i dalen, og tok m.a. ut eit skjerp ved elva ovafor Djuvebrua. Det var kopar han søkte her, og sette også i gang arbeid, utan at det då førde til lønsemd.

Sonen

*Konrad Larssen Lade* (f. 1919, d. 1974) g. 1955 m. Konstanse Hansen frå Vågan, f. 1920.

Br. frå 1961.

Born: Arne f. 1946, son til Konstanse.

Konrad og Konstanse sine born: Johanne Marie f. 1955. Lars Olav f. 1957. Sølvi Karin f. 1960.

Konrad Lade fekk skøyte på bruket i 1961. Han fôrar til vanleg 4 kyr, 1 kalv og 8—9 sauer. I 1963 bygde han nytt stovehus. Ved sida av gardsarbeidet arbeidde han på fabrikk som maskinsnikkar.

NEDRERIMEN bnr. 7 (Sølmonshaugen).

Dette stykket vart utskilt frå Jobruket bnr. 4 i 1903 med skyld 0,51 mark.

Første brukaren var

*Hans Elias Lassesen Nysteter* (f. 1845, d. 1935) g. 1874 m. Marte Severine Larsdtr. Strømme frå Jogarden på Straume (f. 1846, d. 1931).



Br. ca. 1871—1921.

Born: Lars f. 1875. Utvs. nr. 705 (og 510). Edvard f. 1880. Utvs. nr. 704. Gift på bruket. Peter f. 1883. Utvs. nr. 706 (og 983). Jensine Marie f. 1886 g.m. Ole L. Furmyr. Thea f. 1891 g.m. Lars Hole i Knutgarden.

Elias Lassesen var bror til Hans Lassesen i Jogarden på Lade, og bygsla Selmonshaugen først i 1870-åra. Han bygde både stove og løe. Buskapen var i 1875 2 kyr, 2 sauer og 4 geiter. Sånaden 54 t. havre, 1 t. poteter.

Elias var ein av dei siste i Velledalen som sat inne med den store kjennskapen til huldra og andre underjordiske, korleis dei levde, og korleis ein på beste måten skulle innrette seg for å vere i pakt med gamal tru og tradisjon.

Eldste sonen Lars reiste til USA i 1900, og i 1902 sende han heim pengar og løyste ut bruket. Skøyte frå Hans Lassesen Lade i Jogarden for 820 kroner. Lars vart verande i USA, og bror hans tok over Salmonshaugen. Det var

*Edvard Eliassen Lade* (f. 1880, d. 1932) g. 1914 m. Laura Olsdtr. Drabløs frå Samundgarden f. 1890,

Br. 1921 — 1944.

Born: Ole f. 1916 g. på bruket. Einar f. 1917 g. 1939 m. Signe Nautnes frå Aukra. Sjø Straumsheim bnr. 18. Marie f. 1920 g. 1951 m. Nils Heggen frå Nordfjordeid. Bastian f. 1922 g. 1950 m. Kristine Dalhaug frå Bjørnsund. Olave f. 1927 g. 1952 m. Bodvar Hole. Sjø Drotninghaug bnr. 11.

Edvard Lade var først til USA (Utvs. nr. 704), seinare brukte han Samundgarden bnr. 1 på Dravlaus nokre år saman med verbror sin Jens O. Drabløs, til Edvard i 1921 flytte til Sølmonshaugen og tok over bruket. Skøyte frå broren Lars i 1922 for 1000 kroner og kår til foreldra. Edvard bygde nytt stovehus på bruket, og dyrka det opp. Elles dreiv han vegarbeid.

Sonen

*Ole Edvardsen Lade* f. 1916 g. 1943 m. Signy Johansdtr. Raudøy frå Ørsta f. 1922.

Br. frå 1944.

Born: Bodil f. 1945 g. 1967 m. Sveinung Dahl frå Gimsøy i Lofoten. Busett i Gurskebotn, Egil f. 1948, g.m. Annlaug Johansen frå Neset, Stranda. Jon Birger f. 1954.

Ole Lade fekk skøyte på bruket i 1944 frå mor si for 2000 kroner og kår. Han har modernisert stovehuset, lagt inn springvatn,

bygt ny løe, kjøpt traktor, reiskapar, og har halde fram med jorddyrkinga. Ved sida av arbeidet med bruket arbeider Ole på møbelfabrikk.

SOLSLETT bnr. 8, 10 og 26. (Rimnane).

Solslett bnr. 8, i dagleg tale ofte kalla Runnane, vart utskild frå Andersbruket bnr. 1 i 1916 med skyld 0,75 mark. Den første brukaren på denne plassen var

*Knut Thomas Petersen Hjortdal* frå Plassen bnr. 5 (f. 1837, d. 1922) g. 1882 m. *Petrine Marie Bastiansdtr.* Riksheim (f. 1846, d. 1929).

Br. ca. 1882—1916.

Born: Olianna f. 1883. Peter Bastian f. 1885 g. på bruket. Ole Bastian f. 1890 g.m. Berte Johansdtr. Strømme frå Øggaplassen under Larsbruket Sjø Brudevoll bnr. 6.

Knut Thomas bygsla denne plassen av Ole Larssen Lade i Andersgarden, bygde hus og byrja å rydde jorda. Ved sida av arbeidet med plassen dreiv Knut fiske.

Sonen

*Petter Knutsen Lade* (f. 1885, d. 1969) g. 1916 m. *Inga Eliasdtr.* Hovden (f. 1884, d. 1962).

Br. 1916—ca. 1965.

Born: Margit f. 1917 g. 1938 m. Petter Vad frå Stordal. Johanne f. 1920 g. 1941 m. Jon Nyberg, Stranda. Anna f. 1924. Edvin f. 1924, d. 1962.

Skøyte til Peter Knutsen frå Ole P. Lade i 1918 for 600 kroner og kår til Knut og Marie Lade. Petter kjøpte ei gamal stove på Ikornnes og bygde henne attåt gamlehuset på Solslett. Han bygde også om løa frå grunnen av, og dyrka opp bruket. I 1930 kjøpte han attåt eit stykke av Johanne K. Lade i Olagarden bnr. 6 for 750 kroner. Stykket fekk bnr. 10 med 0,30 mark i skyld. Første tida Petter sat med bruket dreiv han også fiske. Men så byrja han på vegarbeid i 1920-åra, og dette dreiv han med ved sida av gardsarbeidet til ca. 1940. I 1959 bygde han nytt stovehus saman med sonen

Edvin Pettersen Lade (f. 1924, d. 1962) Edvin arbeidde i møbelindustrien. I 1953 kjøpte han eit stykke av Andersbruket. Dette stykket fekk bnr. 26, og 0,18 mark i skyld. Edvin døydd i ung alder.

#### FJELLSÆTER bnr. 9.

Eit jordstykke vart utskilt frå den sams setremarka til Lade i 1926. Det ligg ned til den nordvestre enden av Nysætervatnet, og fekk 0,01 mark i skyld. Oppsitjarane på Lade selde dette stykket i 1926 til Ole T. Lied (Aure bnr. 34) for 150 kroner. I 1927 sette han opp

Fjellsæter Turist hytte på denne tomte. Opphavleg var det ei gamal stove han sette opp med eit tilbygg der det var kjøken i første høgda og soverom i andre høgda. Seinare bygde han på meir.

I 1931 gjorde han denne eigedomen om til aksjeselskapet A/ S Fjellsæter,

Fjellsæter Turisthytte fekk svært stor søknad av gjester i åra som fylgde. Om somrane var det fullt hus med feriefolk som budde der fast. Til dette kom dei mange som la søndagsturen til Fjellsæter. Den fine, reine naturen, det fiskerike Nysætervatnet og freden her inne på fjellet gjorde alt sitt til at folk tykte om denne staden. Turisthytta var også open i påskehelga og elles om helgane ut på etterjulsvinteren, slik at skituristane kunne ta inn.

Etter at Ole T. Lied drog seg attende frå den daglege leiinga, vart hytta leigd bort nokre år. Men frå ca. 1950 tok sonen over leiinga av A/S Fjellsæter. Det var

*Jon Lied* (Aure bnr. 77) som dreiv Fjellsæter Turisthytte fram til ca. 1970. Då vart A/S Fjellsæter seld til

*Sykkylven Misjons ungdomslag* som har sett opp eit større nybygg til det gamle og driv det som ungdomssenter for det kristelegelagsarbeidet. Dei har lagt ned eit kjempearbeid i form av dugnader, og bygdefolket har også gitt store gåver til dette føremålet.

#### FREDBAKK bnr. 15.

Tomt frå Andersbruket bnr. 1 utskild 1944 med skyld 0,01 mark

*Johan Martinussen Ramstad* frå Tuene på Ramstad f. 1912 g. 1945 m. *Kjellaug Hansdtr.* Hole Drotninghaug frå Bødagarden f. 1924.

Born: *Magnor* f. 1945, ingeniør, g.m. *Inger Anna Andersdtr.* Sandvik frå Ålesund. *Buset Lerstadnakken.* *Kjell* f. 1947, ingeniør, g.m. *Evy Einarsdtr.* *Liliebo* frå Vik. *Helge* f. 1950, musikkutdanning, no ved lærarskulen. *Janita* f. 1955 g. 1974 m. *Eldar Rasmussen* frå Ødegård på Stranda. *Anne Lise* f. 1957. *Karin* f. 1960

Johan Ramstad byrja som sjåfør i unge år, først med eigen lastebil, seinare i arbeid hjå Lars L. Aure i Pihlgarden. Frå 1940 til 1946 arbeidde han som sjåfør i Stranda og Sykkylven Billag til han i 1946 vart tilsett i Statens Vegvesen. Han er no sjåfør og vegvaktar.

I 1954 sette han og kona opp hus på denne tomte på Lade. Dei har elles kjøpt attåt fleire stykke, såleis eit stykke frå Sølmonhaugen på Lade, eit stykke frå Rimen, og ein skogteig frå Bødabruket på Drotninghaug.

NYTUN bnr. 16.

Olagarden bnr. 6 vart delt i to i 1945. Bruket som fekk namnet Nytun, flytte ut til nye tufter lenger aust, og første brukaren her var

*Leidulv O. Liaskar* frå Volda f. 1924 g. 1944 m. Solveig Larsdtr. Lade frå Olagarden f. 1916.

Br. frå 1950.

Born: Svanhild f. 1944 g.m. Ingvard (Inge) Nilsen frå Stamsund. Busett Fauske Indre. Sverre f. 1946 g. 1970 m. Liv Albertsdr. Hundeide frå Nordfjordeid. Busett Vik. Lilly f. 1948 g.m. Nils Nilsen frå Stamsund (bror til Ingvard (Inge)). Busett Brudevoll bnr. 16. Kirsten f. 1950 g. 1968 m. Charles Jacobsen frå Bergen. Busett Hjorthol bnr. 31. Oddvar f. 1953. Teknikar.

Leidulv Liaskar bygde stovehus i 1949 og han har også sett opp eit løhus. Dei fødte første tida 2 kyr og nokre sauer, men har no berre sauer.

Leidulv Liaskar er bil- og maskineigar og driv anleggs- og transportarbeid. I 1974 hadde han 4 lastebilar, 1 brøyt, 2 shovel-dozerar, buss og personbilar. Sonen Sverre Liaskar er medeigar, og dei driv maskinane .

LADemo bnr. 20.

Tomt frå Hau-Knutbruket bnr. 3 utskild i 1951 med skyld 0,01 mark.

*Lade Møbelfabrikk* sette opp fabrikkbygg på denne tomte i 1951, og har utvida bygget fleire gonger, sist med påbygg i 1965. Det er brørne Arne og Hjalmar Lade frå Hau-Knutgarden bnr. 3

som eig og driv denne fabrikk, og med tredje broren Martin Lade som avdelingssjef. Sjå Lade bnr. 22, 21 og 3. Hjalmar Lade byrja alt i 1942 å lage stoppa møblar. Det var i Hau-Knutkjellaren på Lade verksemda byrja. I 1946 skipa Hjalmar og broren Arne Lade Lade Møbelfabrikk og byrja verksemd i Straumgjerde der dei leigde første høgda av huset til broren Lars Lade. Dei arbeidde i Straumgjerde til 1951 då dei flytte inn i nybygget på Lademo på Lade. Men i 1958 brann heile fabrikk ned, og Arne og Hjalmar Lade sette opp nytt fabrikkbygg i 1959.

Produksjonen har vore stoppa møblar. Etter at dei flytte inn i nybygget på Lade i 1951, arbeidde dei dessutan glas og dører nokre år. I 1974 arbeidde 30 kvinner og menn ved fabrikk.

#### BJØRKHEIM bnr. 21.

Hau-Knutgarden bnr. .3 vart delt i tre i 1953, kvar part med 1,47 mark i skyld. Denne parten som fekk namnet Bjørkheim, vart teken over av

*Hjalmar Bernhard Andreassen Lade* frå Hau-Knutgarden, f. 1917 g. 1944 m. Oddbjørg Johanne Larsdtr. Myrås frå Fiksdal f. 1920.

Br. frå 1952.

Born: Arild Jostein f. 1945, student, Liv Hildegunn f. 1949 g. 1968 m. Ottar Valderhaug frå Valderøy. Helen Johanne f. 1953. Kontordame,

Hjalmar Lade er industrimann og eig Lade Møbelfabrikk (bnr. 20) saman med broren Arne Lade på bnr. 22. Oddbjørg og Hjalmar Lade sette opp stovehus på dette stykket i 1953 og bygde løhus i 1957. I åra som fylgde fødte dei 2—3 mjølkekyr, ungdyr og 4—5 sauer. I seinare år har dei gått over til sauer og ungdyr. Sjå meir om Hjalmar Lade under Lade Møbelfabrikk. Han har vore medlem i kommunestyret og soknerådet.

#### MIDTBØ bnr. 22.

Den tredje parten av Hau-Knutbruket som vart delt i 1952, fekk namnet Midtbø med skyld 1,47 mark. Denne parten vart teken over av

*Arne Selmer Andreassen Lade* frå Hau-Knut garden bnr. 3 f. 1909 g 1941 m. Marie Martinusdtr. Grøndal frå Langevåg f. 1911.

Br. frå 1952.

Born: Jan Arne f. 1944, interiørarkitekt, g. 1968 m. Solveig Olsdtr. Helsem frå Stranda f. 1948, d. 1974, Magne f. 1948, industriarbeidar. Åge f. 1950, utdanning frå Musikk-konservatoriet. Jarle Helge f. 1952. Teknisk utdanning.

Arne Lade er industrimann og eig Lade Møbelfabrikk saman med broren Hjalmar. I 1953 sette Arne og Marie Lade opp stovehus på denne parten, og i 1958 bygde dei løe. Dei fødte første åra 3 mjølkekyr og ungdyr. Arne dyrka også litt jord, og rudde m.a. 8 mål kulturbeite av gamal slåttemark. I seinare år har buskapen vore for det meste fôringsoksar. Arne Lade har alt frå ungdomstida vore interessert skyttar, og både som styremedlem i Velledalen skyttarlag og med annan innsats har han lagt ned eit aktivt arbeid for skyttarsaka i grenda og bygda.

Sjå meir om Arne Lade under Lade Møbelfabrikk bnr. 20.

#### SOLTUN bnr. 27.

Tomt ntskild frå Nytun bnr. 16 i 1954 med skyld 0,01 mark.

*Odd Liaskar* frå Volda f. 1921 g. 1943 m. Laura Lade frå Olagarden bnr. 6 (f. 1924, d. 1958) bygde hus på denne tomte i 1957. Huset brann ned til grunnen i slutten av 1960-åra. Odd Liaskar flytte då til Aure og sette opp att nytt hus i Skogvegen.

Han dreiv lenge dagarbeid, sidan vart han feiar i Sykkylven, men måtte slutte dette arbeidet etter ein skade.

Born: Olav f. 1945, d. 1956 etter ei bilulykke. Jorunn Sylvi f. 1947. Leikny Olaug f. 1951 g.m. Bjørn Eidem frå Jenshaugen bnr. 6. Dei har teke over huset til Odd Liaskar i Skogvegen på Aure. Svein f. 1953, gift. Busett Mnuseidvåg.

#### VOLLTUN bnr. 35.

Tomt utskild frå Rimen bnr. 5 i 1961 saman med skyld 0,01 mark.

*Arne Berg Hanssen* f. 1926 i Hemne g. 1950 m. Anna Olivie Karlsdtr. Lade frå Rimen bnr. 5, f. 1921, bygde hus i 1962. han er møbeltapetserar.

Barn: Kjell Mindor f. 1950.

## **Drotninghaug, gnr. 30.** [\(Til innhald\)](#)

Namnet har vore skrive Drottninghough i 1617, Drotninghoug i 1666 og 1723, Drotning Houg i 1794. I dagleg tale i bygda vert garden kalla Drotninghaug eller «Øggaren», også «Fremstøggaren». Drotninghaug er øvste garden i Velledalen og ligg på nordsida av Storelva med ope utsyn ned over heile Øvre Velledalen. Garden grensar i vest til Lade, og i sør til Hole si utmark med Storelva som grenseskil fram under bratta. Elva vert her ofte kalla Kleivdalselva fordi ho kjem frå Kleivdalen, eller Juveelewa fordi ho renn i djupaste juvet under Nakken. Her i denne åsen går bytet mot Hole på sørsida av Juveelva inn mot setremarka. I aust grensar Drotninghaug mot utmarkstykket Hjellane som Lade eig og som i eldre tid var slåttemark. Mot nord grensar garden også mot Lade si gamle slåttemark. Også dette stykket ber namnet Nakken. Drotninghaug eig såleis ikkje til fjells på nordsida slik dei andre gardane gjer lenger nede i dalen, men er faktisk meir enn halvt omringa av Lade si utmark.

Den gamle buråsa som kyrne på Lade, Dravlaus og Fet brukte til og frå setra i eldre tid og heilt fram til ca. 1910, gjekk langs elva på Drotninghaug. Denne råsa vart nemnd alt i ei rettssak i 1794 då oppsitjarane på Drotninghaug vart skulda m.a. for at dei hadde prøvt å stengje denne råsa med eit gjerde slik at det vart fare for at dyra kunne gå seg på elva.

Den nye riksvegen gjennom garden kom på skrå eit stykke nedafør gamlevegen over Bødabøen, men kom i høgd med gamlevegen om lag ved Larstunet. Gamlevegen svinga frå Sølmonshaugen og bytet mot Lade først i ein bakke ned, og sidan i ein stupbratt og lang bakke opp til det gamle Bødatunet. «Øggards-bakken» som han vart kalla, var ille kjend over heile bygda. Med hest og lass var det eit slit å kome seg opp og ein fare å køyre ned. Då dei første bilane kom i 1920-åra, var det slett ikkje alle som vann seg opp denne bakken. Gamlevegen gjekk vidare gjen-

nom tunet på Drotninghaug og austover gjennom garden si heime-utmark Bøen. Her svinga vegen opp den bratte lia som ber namnet Brekka inn mot setremarka. Også i Brekka var det mange stupbratte bakkar som hadde skapt store problem for dei som måtte fare denne vegen med hest og lass. Bilane hadde også vanskar med å ta seg opp desse bakkane med lass. Då fabrikkengar Ole T. Lied (Aure bnr. 34) hadde bygt «Fjellsæter Turisthytte» ved Nysætervatnet i 1927, auka ferdsla med bilar etter denne vegen i åra som fylgde, men dei bratte bakkane låg som kjelkar i vegen. Den gamle Øggardsbakken fall bort då den nye riksvegen mot Myrdalen, Hevsdalen og Stranda vart broten gjennom på Drotninghaug ca. 1930. Men bakkane i Brekka var att. Ole T. Lied tok då opp arbeidet med å få omlagd den bratte vegen i Brekka frå den nye riksvegen på Drotninghaug til Gamlestølen. Lied fekk lovnad om fri veggrunn hjå eigarane på Drotninghaug, og laga så fleire store dugnader. Det strøymde til folk frå heile bygda, og det tok ikkje svært lang tid før den nye vegen var broten i gjennom. Etter dette vart vegen flatare og lettare å køyre.

Drotninghaug er lite truleg mellom dei eldste gardane i bygda. Fornfunn i jorda veit ingen om. At garden Lade eig både vest, nord og aust om Drotninghaug og at desse to gardane hadde sams setrehamn og slåttemark i hamna heilt fram til 1800, kan tyde på at Lade og Drotninghaug opphavleg har vore ein gard, men at så Drotninghaug har vorte utskild. Etter namnet Øggaren eller Øydegarden å døme har garden lege øyde etter Svartedauden. Det er heller ikkje nemnt brukarar her i tiendepenninglista frå 1520. Det kan sjå ut til at det har vore berre eitt bruk på Drotninghaug fram til 1730-åra, sidan vart det to heilt fram til 1860-åra då det kom til eit par plassar. I 1955 vart så det eine bruket, Bødagarden bnr. 1 delt att i to like store deler.

Noko offentleg jordskifte av innmarka har det knapt vore sidan garden vart delt i 1730-åra. Åkrane låg spreidde på dei beste jordstykkja. Larsfolket hadde Smiåkeren inn og neda løa. Bøda-folket hadde Vollåkeren frå løa og framover. Det var dei to største åkrane. Elles hadde Bødafolket åkeren Storebakken der stova deira står no, og neda løa var Trollhaugen. På plassen bnr. 3 hadde dei ein åker inn og neda husa. Det var svært lunt her, og i fylgje tradisjonen brukte valjasmeden Peter A. O. Velle, som kvar vår for inn i Fitjalida for å brenne kol, å seie at denne reiten på plassen var den frodigaste i heile Velledalen. Elles hadde dei



på Plassen mange små reitar til potetene, opp til 8—9. På Plassen brukte dei også nokså lenge tust og skeidd til å truske med, for kornvidda var ikkje så stor. Men hovudbruka, Bødagarden og Larsgarden, truska med vatn. Vatnet tok dei først i veite frå Sunndalselva over Heiane og vest i Rimegrova. Så ny skråveite frå Rimegrova lenger nede til eit stykke ovafor løene der truskehjula stod. Larsfolket måtte ha snora over vegen til løa si. Rundt hundreårsskiftet hende det ein dag at det kom ei kone etter vegen medan dei truska. Kona prøvde å stige over truskesnora, men ho hekta seg fast i kona, og dermed for ho med henne. Til all lukke stod husmora i Larsgarden like ved, og ho var lynande snar til å setje i «stemma». (d.v.s. flaken som stengjer av vatnet). Kona var då komen heilt inn under hjulet. Slik vart hennar liv berga.

Kvernane hadde Drotninghaug ved kvernveitene nede ved Storelva. Alt i 1661 var det kvern på garden, i 1717 «en liden bekkekvern», og sameleis ei kvern i 1791. I seinare år var det 3 kvernar. Larskverna og Rimekverna stod fremst. Dei var brukande til 1940-åra. Lenger inne stod Bødakverna som var i bruk til 1920.

Heimebøen på Drotninghaug var noko brattlendt nedover frå tunet, men flatare nede ved elva. I eldre tid hadde dei to hovudbruka heller små vidder med dyrka åker og eng, ca. 28 mål på kvar i 1864. Denne vidda vart auka mykje av brukarane i første halvdel av 1900-åra. Men når brukarane på Drotninghaug likevel har hatt etter måten store buskapar ned gjennom tida, så kjem det av dei store utmarksviddene med god slåttemark og beitemark som Drotninghaug nytta godt ut langt fram i 1900-åra. Det var m.a. teigane aust for heimebøen både ovafor vegen og nedover mot Storelva. Desse stykka vert kalla Bøen. Både Bødagarden og Larsgarden hadde skogaløe i desse stykka. Elva som kjem frå Sunndalen skjer seg gjennom Bøen og renn eit stykke jamsides Storelva før elvane møtest om lag ved bytet mot Larsbruket. Den austlegaste delen av landstrimmelen mellom elvane ber namnet Kriken, og strimmelen lengst vest vert kalla Vidåtta. Også desse stykka var slåttemark som høyrde Drotninghaug til. I Bøen var det årviss slått til ca. 1950. Garden hadde også slåttestykke på stølen. Høyet her køyrde dei heim på vinterføret. Drotninghaug har også eit stort område i Brekka som dei slo i eldre tid. Dette området strekkjer seg frå Hjellane som Lade eig og austover. Før 1800 åtte Drotninghaug inn til elva frå Sunndalen. Dei veldige viddene på andre sida av elva og heilt inn til bytet mot Nysæter var i gamal

tid og fram til 1800 sams setremark for Lade og Drotninghaug. I denne buhamna var det store vidder der dei slo småhøy, og det kan faktisk seiast at Drotninghaug hadde samanhengande slåttemark frå bytet mot Nysæter til bøgarden mot Lade. Då setremarka vart delt i 1800, (sjå meir om dette under Lade), vart bytelina dreien frå Sætrefjellet til Tjønnane i dalbotnen. Drotninghaug fekk så alt vest for denne bytelina med både slætte, febeite og skog. Folket på garden slo lenge i denne marka. Området kring Gamlestølen har vore i bruk som slåttemark heilt fram i 1900-åra. Det er uklart korleis det har vore med teigdelinga i denne marka som samstundes var sams sætrehamn for buskapen og brukt som slåttemark. Ei slags brukshevd på slåttestykka har det i alle høve vore. Ei eller anna slags form for skogskifte har det også vore. Men det var så små bytt at eigarane hadde vanskar med å halde greie på alle stykka. I 1933 vart det halde jordskifte på seterstølen, og i 1965 vart det avslutta jordskifte på setrehamna og utmarka elles. Alt vart no utlagt til eigedoms grunn.

Ein utslått som er avgløymd på garden no, hadde Drotninghaug i utmarka til Lade ovafor bøgarden. Dette slættet vert nemnt under rettssaka mellom Lade og Drotninghaug om febeitet i 1800. Det vert her fortalt at opp under fjellet ligg ei fjellskrede som ber namnet Øggartlsskreda som brukarane på Drotninghaug hit til har slege. Denne skreda ligg nest «Varggrønmyhren», og oppsiljarane på Lade let brukarane på Drotninghaug få nytte dette slettet framleis slik dei før hadde gjort. Men meir skog må dei ikkje hogge der enn som trengst til slogar! På ein annan stad heiter det at denne Øggardsskreda ligg i «Vargrøra».

Sjølv om dei på Drotninghaug slo til snøen kom og dei på den måten samla nokså mykje for til dyra, så vart loa ryr for budeiene når dei skulle akte dei store buskapane på garden. Vårknipa kunne bli både lang og hard. Så tidleg som råd var slepte dei buskapen på vårbeitet. Det ser ut til at aller først slepte dei dyra ut på Bøen aust for innmarka slik at dei fekk første grøda her. Seinare slepte dei buskapen i den rette heimehamna som låg nord for garden mellom bømarka til Drotninghaug og slåttemarka Nakken som høyrde til Lade. Herifra strekte hamna seg søraust ned til Brekka og mot Nakken og bytet mot Hole, og vidare inn dalen mot Gamlestølen. Den nedre delen av heimehamna og utmarka var knap så god som inne på fjellet. Difor var dyra på Drotninghaug svart raske om våren til å søkje inn mot Gamlestølstraktene

og setremarka. Denne buhamna var ellers vide kjend, og kvar vår kom det folk med dyr, både kyr og hestar, frå ymse kantar av Sykkylven, Borgund og Stranda, og Drotninghaug tok mot dei i hamn mot betaling. Det var i lang tid også ein gamal tradisjon på Drotninghaug at brukarane kjøpte opp storfe i distriktet. Det kunne vere både 30 og 40 storfe som dei så slepte på beite i setremarka der dei fekk gjø seg fram over sommaren. Om hausten slakta dei dyra, eller selde dei levande. Drotninghaug dreiv med dette så tidleg som i 1794 går det fram av rettssaka det året om beitet.

Gamal røynsle har vist at når det blir uvenskap på gardane, er det som oftast dyra som er årsaka. Med Drotninghaug og Lade gjekk det slik. Det hende ikkje sjeldan at buskapane frå Drotninghaug braut seg over gardane og kom heim i slåttemarka til Lade, jamvel heim i åkrane. Folket på Lade likte dette ille. Stundom tok dei innbrytarkyrne til Lade og sette dei på fjøs. Det ser ut til at det var tenestjentene på Drotninghaug som måtte fare heim til Lade for å prøve å få utlevert dyra. Dei fleste kvidde seg på denne turen. Men Kari Larsdtr. Brunstad som tente i Bødagarden i 1800, sa ein slik dag at ho kunne godt gå, for ho var ikkje redd «La-kjerringa»! Både i 1770, 1794 og i 1800 stemnde uppsitjarane på Lade brukarane på Drotninghaug for retten. Skuldingane rette Lade helst mot Elling Sjursen Drotninghaug som også måtte tilstå at han sjølv hadde laga hol i garden slik at dyra slapp heim i marka til Lade. (Sjå om dette under Lade). Tvisten mellom Lade og Drohaughaug om beitet førde til slutt med seg at setrehamna som hadde vore sams, vart delt i 1800. Det er nokså tydeleg at det er Elling Sjursen Drotninghaug som har vore årsak til mykje av spetakkelet om beitet. Av rettssaka går det fram at før han tok over, hadde dei gjett både storfeet og små feet på Drotninghaug, og då hadde alle berga kvar sitt. Lenginga av byte garden mellom utmarka til Lade og Drotninghaug opp under Svafjellet skulle etter avtalen vere ferdig i 1802. Både bytet av hamna i 1800 og dette nye gjerdet i 1802 gjorde nok sitt til at buskapen roa seg, og det vart mindre å kivast om.

Skogteigane sine hadde Drotninghaug på ymse stader i utmarka til jordskiftet i 1965 samla alt på eigedoms grunn. Før tok gardane mykje av brennefanget i heimehamna nord for husa. Det var bra med bjerk både i Revhola og i «Svødene» som låg under slåttemarka Nakken. Her tok dei også famneveden. Alt drog dei

ned med handemakt. Reiten bnr. 3 hadde også ein skogteig i denne marka. Dei «nava» ein stor part av denne skogen, d.v.s. at dei saga av bjørketrea i mannshøgda. På denne måte fekk dei nye greiner til å spire ut frå stammen. Om somrane reinska dei så desse stotmnane for greiner som dei batt til kjørv og tørka i hus til dyrefor for lauvet si skuld. Drotninghaug hadde også skogteigar i Brekka og i Nakken som grensa mot Holebytet. Moldtak hadde brukarane på kvar sine stader. Larsfolket hadde moldtak på flata nede på Bødabruket. Hans O. Hole i Bødagarden ville gjerne bli kvitt denne moldhola på bruket sitt, og fekk gjere eit frivillig makeskifte i 1930-åra med Larsfolket. Moldtaket er såleis borte no. Bødafolket hadde moldtak på Bøen aust for garden. Og Reiten bnr. 3 hadde eit moldtak ovafor Gamlestølen ved Sunndalselva.

Det gamle Larstunet ligg om lag der det nye er — løa er komen litt nærare vegen. Aust for løa stod smia på bruket. I nordaust for Larstova stod eit lite einsleg stovehus rundt hundreårsskiftet. Det var Tomasstova som stod her. Ho var kalla opp att etter eigaren, Tomas Lassesen Nysæter (f. 1839, d. på Ikornnes 1913). Han var invalid og gjekk med to krykkjer. I 1875 budde han hjå bror sin Elias Lassesen Lade på Sølmonshaugen. Borna på garden brukte å samle seg hjå han Tomas. Seinare kom han ut i pleie på bygda, og var visstnok siste tida hjå Lars Ekornes. Like aust for Tomasstova gjekk bytet mot Reiten bnr. 3 (Plassen). Der slår husa framleis.

Nordvest for Larstova stod dei gamle Bødahusa, først løa, og med stova eit stykke ovafor. Dei nye husa på bruket kom eit stykke lenger ned til den nye riksvegen. Nordvest for gamle Bøda-stova ut mot bytet til Rimeplassen, låg Gjerdeplassen bnr. 4 med husa der. Dei er no borte. Plassen er kjøpt av Kaspar Lade (Lade bnr. 5).

Drotninghaug har vore mykje likt dei andre gardane i Velledalen når det gjeld næringsgrunnlaget. I eldre tid var det åkerbruket og fealet som gav sikraste inntekta også her. Men garden har ned gjennom tida vorte rekna som tungbrukt, og det er ei mils veg til sjøen. Når ein tar omsyn til kor bratte og dårlege desse vegane var på mange stader før 1916 då vølingsarbeidet tok til på vegstykket Straumgjerde—Drotninghaug, vert det tydelegare kva slit det var for både hestar og folk å fare desse vegane med lass. Garden var viss til korn, står det i matrikkelen frå 1724. I ein takst som vart halden på Drotninghaug i 1790 står det at kornavlinga

er uviss dei fleste åra, endå åkrane er godt dyrka, for det «ere med frosten undergivne». Jordbruksmeldinga i 1802 fortel at kornavlinga er ofte «underkastet saakaldet grønår eller ufullmoden høst». Matrikkelførearbeidet i 1864 slår fast at det er ikkje frostlendt på Drotninghaug. Utan tvil har likevel feet spela ei større rolle for levemåten enn kornet. Dei store dyreflokkane på det fine beitet har nok gitt brukarane inntekt, og ned gjennom tida har dei også hatt årvis innkome av hamna som dei har leigt ut til andre krøter, og av slaktefeet som dei kjøpte opp om våren og slepte i hamn om sommaren. Kjøtet har truleg vorte sendt til Bergen eller Trondheim med handelsjekter, og selt der,

Dei siste åra har det vore lite dyr att i setremarka, berre småfe, kviger og slakteoksar. Frå 1950-åra har fleire og fleire sett seg opp feriehytter i setremarka, ikkje berre i hamna til Drotninghaug, men også til Lade, Dravlaus og Fet. Dette har ført til at tomteverdet har auka svært. Setremarka kan såleis gi inntekt på ein ny måte. Kommunen arbeider no med ein reguleringsplan for heile feltet, og det blir då utskilt område både til hyttebygging, jordbruksdrift og slikt som skal vere att av urøyvd natur.

Brukarane på Drotninghaug dreiv også vinterfiskja før i tida, slik dei fleste andre i bygda gjorde. Alt i 1698 vert det fortalt i skiftet etter Knut Olsen Drotninghaug at han hadde hatt ein kjempefæring. I skiftet i 1814 etter Gunnhild Pedersdtr. i Larsgarden står det at buet åtte eit tømmernaust i Straumgjerde. Og Ole Olsen Drotninghaug (1842—1914) heldt etter tradisjonen ute båt. Sjølv om vegen til sjøen var lang og tung, er det tydeleg at karane har brukt sjøen. Drotninghaug hadde elles eit matnyttig fiske i Nysætervatnet før det vart regulert. Sameleis må ein også rekne med at jakt og fangst av rype, hare og mindre pelsdyr som rev og røyskatt, var noko meir enn tidtrøye, serleg for dei som sat på småbruka.

I 1940-åra byrja den yngre generasjonen på garden å søkje seg lønt arbeid utafor sjølve jordbruksdrifta heime. Denne generasjonen har for lenge sidan teke over bruka. Dei nye brukarane heldt gardane ved like og i god hevd, men bruka er no støttebruk for anna verksemd, t.d. i industrien eller salsverksemd. Sjå meir under Brukarar.

#### MATRIKKELGARDEN.

Drotninghaug skatta i eldre tid som øydegard, og betalte skylda stundom med smør og stundom med fisk, men vart helst rekna som «smørgard». I 1626 var skatteskylda ½ våg ½ pd. 6 mrk. fiskeleige (?). I 1844 var skatteskylda den same, men landskylda var då 1 våg 18 mrk. fiskeleige. Landkommisjonen i 1661 sette skylda ½ til 2 pd. smørleige, men auka ved matrikuleringa i 1866 til ½ laup 18 mrk. smørleige. For å finne ut om Drotninghaug svara landskylda av smørtakst eller 2 våger fiskeleite av 1 laup smørleige, vart eigaren og bygslaren kalla inn til eit ekstrating på Langlo i 1734. Det var Jon Knutsen Drotninghaug som då sat med bygselen. Etter den tida vart skylda rekna i fiskeleige, 1 våg 1 pd. 12 mrk. Slik var ho til det kom ny skyld i 1838, 4 dlr. 2 ort 22 skl., rev. 1890 til 7,51 skyldmark.

Drotninghaug er ikkje å finne i leidangslistent først på 1600-talet, men i 1650 er garden oppført med 1 kalvskinn under «strøgodset» til Giske. I 1666 vart leidangen i geitskinn, i 1705 rekna til 1 ort, og i 1717 2 mrk. 4 skl.

Tienda på Drotninghaug i 1666 var 1 t. 1 mæle havre og 20 mrk. ost, og i 1717 1½ t. havre, 1½ skjepp bygg og 20 mrk. ost.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

1626: Då var der 1 mann. Sår 2 t. korn.

1644: 1 mann.

1666: 1 mann. Sår 4 t. korn, avlar 12 ½ t. Fôrar 1 hest, 18 naut. Brennefang.

1717: 1 mann. Sår 4 t. havre, ½ t. bygg. Avlar 15 1 havre og 2 t. bygg. Fôrar 1 hest, 12 naut. Brennefang. Ei lita bekkevern.

1724: 1 mann. 1 mil frå sjøen. Tungvunnen til høy, viss til korn. Sår 12 t. havre og 4 t. bygg. Avlar 42 t. havre og 20 t. bygg. 1 kvern. Nok skog. Seter.

1802: 2 mann. Brennefang. Sommarbeite til krøtera. Kornavlinga «ofte underkastet saakaldel Grønaar, eller ufullmoden Høst».

1845: Buskap: 2 hestar, 14 kyr, 28 sauer og 6 geiter. Sånad: 1 t. bygg, 3 t. bl.korn, 7 t. havre og 2 t. poteter.

1864: Garden har mykje udyrka jord som er skikka for dyrking, og utslåttar og fjellslåttar spelar ei stor rolle. Hamnegangen er framifrå på alle måtar. Brennefang til husbruk, litt lauvskog til forsurrogat, og noko bjerk til å selje. Det er lett å kome til veg, men garden ligg svært langt frå sjøen, og er tungbrukt, men ikkje utsett for frost.

1875: 4 mann. Sånaden ½ t. rug, 7 t. bl.korn, 9½ t. havre, 10 t. poteter, og 2 ar med rotfrukt. Buskapen var 3 hestar, 2 unghestar, 27 kyr, 5 ungdyr, 60 sauer og 37 geiter.

#### EIGARAR.

Drotninghaug hørde til Giskegodset, men garden er ikkje å finne i skøyteutskriftene frå 1582 då den rike enkja Gyrvild Fadersdtr. gav eigeodomen til kong Fredrik II. Heller ikkje er Drotninghaug nemnd i 1586 då Johan Svave fekk lensbrev på Giskegodet. Men matrikkelen frå 1627 opplyser at Drotninghaug er Giskegods. Og då stathaldaren Hannibal Sehested i 1048 fekk Giskegodset av Kongen, er Drotninghaug nemnd med 1 pd. fiskeleige. Giskeparten utgjorde seinare ⅔ av garden. Resten var bondegods. Svend Eidem (Eidem, bruk B) åtte det i 1660-åra fram til 1678 då Peder Toresen Lade i Jogarden bnr. 4 hadde kjøpt det. I 1680 var denne parten delt mellom Peder Toresen Lade i Jogarden og Ole Toreson Lade i Hau-Knut-garden. Få år seinare var heile garden blitt Giskegods, og har stort sett hatt same eigarar som t.d. Hjelle gnr. 5 og Lyshol gnr. 9. Fram gjennom 1700-åra var det Frimannsætta som åtte det, og ein av ervingane der, Anne Harboe, gifte.1 seg med ein hospitalprest i Bergen, M. Tuehsen, som selde dei to bruka på Drotninghaug til bygslarane i 1790-åra. Sjå meir under Brukarar.

#### BRUKARAR.

*Mogens* (Mons) brukte heile Drotninghaug 15.—ca. 1618. I 1618 vart han kalla husmann, og har då truleg gått over på kår.

*Knut*, br. ca. 1618—ca. 1636.

*Ole Paulsen* f. ca. 1603.

Br. ca. 1636—ca. 1660, sidan halve bruket saman med sonen

*Knut Olsen Drotninghaug* (f. ca. 1638, d. 1698) g.m. Marte Guttormsdtr. Ringstad (d. etter 1698).

Br. ca. 1660- -1688, sidan halve garden.

Skiftebuet etter Knut Olsen i 1698 hadde 64 rdl. i netto eige. Der er nemnt m.a. 8 kyr, nokre sauer, 1 kjempefæring, 1 stor koparkjel, 1 børs og «tasach», 1 smørkanne av tinn, eit lite djupt tinnfat, 1 messingstake, 1 «angstei» av sylv, vekt 5 lodd, verde 2 rdl. 1 ort 8 skl., og 1 keiebelte av sylv, verde 16 rdl. Dette beltet hadde Knut Olsen gitt nest eldste sonen Guttorm Knutsen. Enkja Marie seier at «naar Gud vil forsynne dem (borna) i Ægteskab, lover hun at ville giøre Brylap.» Dei var to gutar og to jenter, og gutane «giordy sine søstre lige med sig udi faderarv.»

Eldste sonen til Knut hadde i 1688 teke over halve garden. Det var *Jon Knutsen Drotninghaug* (f. ca. 1664, d. 1740) g.m. Lisbet Sjursdtr. (f. ca. 1674, d. 1739). Ho var frå Straumgjerde og dotter til Sjur Hallsteinsen Gjerde på bnr. 1.

Br. 1688—1735.

Jon Drotninghaug la av eiden som ny «dannemand» i 1708.

Etter Jon Knutsen vart Drotninghaug delt i to like store bruk som seinare vart kalla Bødagarden bnr. 1 og Larsgarden bnr. 2.

#### BØDAGARDEN bnr. 1.

Son til Jon Knutsen Drotninghaug tok i 1735 over halve garden.

Det var

*Sjur Jonsen Drotninghaug*, d. 97 år gamal i 1807, g.l. 1735 m. Johanne Olsdtr. Dravlaus frå Ellinggarden (f. ca. 1707, d. 1745) g. 2. 1745 m. halvsyster til førstekona. Inger Ellingsdtr. Dravlaus (f. ca. 1710, d. 1773) g.3. 1775 m. Siri Pedersdtr. Myklebust frå Stranda (f. 1731, d. 1795).

Br. 3 mællag 1735—1786.

Sjur var lagrettemann. Skiftebuet i 1773 etter andrekona Inger Ellingsdtr. hadde 86 rdl. i brutto eige. Gjelden var 6 rdl. Frå ca. 1769 brukte Sjur garden saman med eldste sonen.

*Jon Sjursen Drotninghaug* (f. 1735, d. 1786) g.1. 1770 m. Anna Olsdtr. (f. ca. 1727, d. 1784) g.2. 1785 m. Kari Jakobsdtr.

Jon var lagrettemann. Då han døydde, tok halvbror hans over bruket. Det var

*Elling Sjursen Drotninghaug* (f. 1754, d. på Indre Fauske 1828) g.l. 1786 m. Berte Larsdtr. Sve frå Stranda (f. 1755, d. 1822) g.2. 1825 m. enkja Anne Pernille Larsdtr. Fauske (f. Ytterdal ca. 1761, d. 1847).



Br. 1786—1819.

Bygsselsetel frå presten Claus Frimann i 1786 på 3 mællag. I 1790 vart det halde ein takst på Frimannsgardane i Sykkylven. Det vart då opplyst at bruket til Elling var veldyrka og gjort betre, husa var gode og i bra stand. Litt bjerkeskog høyrde til bruket, men skogen stod så høgt til fjells at han berre med stort slit kunne fraktast til sjøs. Det var vanskeleg å gjere seg nokon næringsveg av dette. Høyslætta låg for det mesle 2—3 fjerdingar frå garden oppe mellom fjella. Kornavlinga var uviss dei fleste åra, sjølv om åkrane var veldyrka, for dei var utsette for frost. Skynsmennene fann difor at denne garden var eit avsidesliggande «Dahle Boe», som dei ikkje kunne verdsetje til meir enn 50 rdl. Fire år seinare, i 1794, løyste Elling Sjursen ut bruket for 130 rdl. av presten M. S. Tuchsén i Bergen, gift med dotter til Christopher Frimann Anne Harboe. Året før hadde Elling løyst ut Pebruket på Grebstad der syster hans, Siri, var gift. Han kjøpte også gard i Løkedalen. Elling var lagrettemann. Det er likt til at han sysla med handel, i alle høve handla han med hest. Desse hestehandlane fekk ofte rettslege etterspel. Han måtte også møte i retten for slagsmål. Elling flytte til Fauske etter at han gifte seg opp att med den rike enkja Anne Pernille på Indre Fauske. Sjå elles innleiinga om Lade.

Systerson til Elling Sjursen tok over Bødagarden. Det var

*Sjur Lassesen Grebstad* frå Pegarden (f. 1782, d. 1829) g. 1814 m. Berte Ingeborg Larsdtr. Brunstad (f. 1776, d. 1843).

Br. 1819 — 1829.

Sjur Lassesen var dreng i Bødagarden i 1800 og møtte då som vitne i ein grensetvist mellom Lade og Drotninghaug. Einaste sonen til Elling, Johannes, døydde 20 år gamal i 1813, og i 1819 fekk Sjur Lassesen bygsselsetel frå Elling som gjekk over på kår. Siste leveåra var Sjur sjuk og svak, og han bar fram som sitt siste ynske at kona hans Ingeborg, som hadde passa han, måtte erve det som var att etter han. Verbroren Syver Karlsen Lade melde om dette ynsket på tinget i 1829, og sa at ervingane ikkje venta seg nokon arv av buet, som heller ikkje var serleg stort. Nokre få månader før Sjur døydde, sa han opp bygselen av Bødagarden, og det kom ny bygslar. Det var

*Bodvar Jonsen Nysæter* (f. Rødset i Stordal ca. 1789, d. 1877).

Br. 1829—1844.

Bygsselsetel i 1829 frå enkja etter Elling Sjursen, Anne Pernille Larsdtr. Fauske. Kår til Sjur Lassesen og Ingeborg Larsdtr.

Året etter, i 1830, gifte Bodvar seg med kårnkja Ingeborg Larsdtr., g.2. 1849 med ei enkje i Larsgarden på Hjortdal, Anne *Marta* Jakobsdtr. (f. Dravlaus 1793, d. 1874). Bødagarden fekk namn etter Bodvar. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 2 pd. 6 mrk., endra til 2 dlr. 1 ort og 11 skl. Bruket skifte eigar i desse åra. Enkja Anne Pernille Fauske gav i 1836 skøyte på Bødagaden til sonen Jens Bastian Jenssen Fauske for 200 spd. Han selde i 1842 for same pris til Iver Larssen Woldsdal.

Bodvar Jonsen var lagrettemenn. Etter tradisjonen var han ein dugande veidemann. Han hadde også sankt seg mykje kunnskap i både soge, geografi og astronomi. Elles sysla han med dikting, og laga mange viser som bygdefolket gjerne lærde og tok opp att. Mest kjemt er den såkalla «Bødavisen» som byrjar slik: «Af de rykter jeg har hørt om de kjemper i nord — —» Denne visa går til tonen «Giv akt på Neptuns i det middellandske hav», (Sjå Jørgen Gjerding: Folkeminne frå Sunnmøre II og «Sykkylvsbladet» julenr. 1959).

Bodvar hadde ikkje born. I 1840-åra hadde han ein dreng frå Ramstaddal. Etter tradisjonen sa Bodvar ein dag ved middagsbordet, at dersom drengen ville fare heim til La og gifte henne Jo-Marie (systerdotter til Sjur Lassesen) skulle dei få ta over Bødagarden. Slik vart det, og Bodvar og kona gjekk over på kår. Dei nye brukarane i Bødagarden var

*Karl Larssen Ramstad* (f. 1820, d. 1885) g. 1844 m. Johanne Olave *Marie* Sivertsdtr. Lade (f. 1824, d. 1906).

Br. 1844- -ca. 1870, sidan halve bruket nokre år .

Born: Severin f. 1845, lærar (Skule-Severin) g.m. enkja Anne Amundsdr. Brudevoll i Jogarden. Ingeborg f. 1847 g. på bruket. Severine f. 1851 g.m. Ingebrigt Hanssen Fet frå Pål garden. Sjå Straume, Reiten bnr. 5.

Bygselsetel frå Iver Larssen Woldsdal i 1844. I 1865 vart bruket rekna til 28 mål nokså god innmark og åker, og 80 mål naturleg england. Såaden i 1875 var  $\frac{1}{8}$  t. rug, 3 t. bl.korn, 4 t. havre, 4 t. poteter og 2 ar med rotfrukt. Buskapen var 1 hest, 12 kyr, 1 ungdyr, 22 sauer og 11 geiter. Halvparten av dyra åtte versonen

*Ole Andreas Olsen Ramstad* (f. 1842, d. 1914) g. 1869 m. Ingeborg Karlsdtr. Drotninghang (f. 1847, d. 1930).

Br. ca. 1870—ca. 1912.

Born: Anne f. 1870 g.m. Lars Olsen Strømmegjerde frå Blindheim. Sjø Øvste-Einane i Straumgjerde bnr. 7. Anna *Karoline* f. 1875 g. 1904 m. Johan Karlsen Fausa (Stige-garden). Marie f. 1877 g.m. Karl Fredrik Olsen Blindheim i Fredriksgarden bnr. 3. Ole Johan Aron f. 1881, kjøpmann i Trondheim. Johanne Marie f. 1883. Utvs. nr. 288. Berte *Kanutte* f. 1883 g. på bruket.

Ole Andreas Olsen var bygselmann. Han var svært interessert i hesteal, og kjøpte m.a. i 1893 ei gild følmer som han gav nanmet «Fremskritt». Denne merra fekk 1. premi og Kongens sylvmedalje i Trondheim i 1902. Første tida dreiv Ole bruket saman med verfare. Den gamle skylda på Bødabruket, 2 dlr. 1 ort og 11 skl. vart endra til 3,73 skyldmark i den nye matrikuleringa i 1890. Ved sida av gardsarbeidet dreiv Ole sjøen. Han heldt ute båt, og hadde åttringen sin liggande på Ramstad når han ikkje var i bruk.

Den gamle eigaren av Bødabruket. Iver Larssen Woldsdal, hadde gitt bruket til dotter si. Iverine g.m. Peter A. Brusdal som gjekk konkurs i 1912. Bruket kom inn i konkursbuet, og son til Ole Olsen, Ole Johan Aron Drotninghaug, nytta høvet og kjøpte att bruket og fekk skøyte på det frå ervingane til Iver Larssen for 4000 kroner. Det var tanken at Aron Drotninghaug skulle drive bruket, men så tok han til med handel og flytte til Trondheim der han bygde opp ei stor forretning. Verbroren tok over Bødabruket, først som bygselmann, seinare som sjølveigar. Det var

*Hans Jakob Olsen Hole*. frå Øyegarden bnr. 7 (f. 1881, d. 1951) g. 1911 m. Kanutte Olsdtr. Drotninghaug (f. 1886, d. 1956).

Br. 1911—1950.

Born: Johanne f. 1912 g.m. Petter Rypdal, Tresfjord. Ingebjørg f. 1913 g.m. Olav Rogne, Longva, Haram. Olav f. 1916 g. på bruket. Bodvar f. 1917 g. på bruket Sjø bnr. 11. Henny f. 1922 g.m. Knut Lødemel. Sjø bnr. 12. Kjellaug f. 1924 g.m. Johan Ramstad. Sjø Lade bnr. 15, Sigmund f. 1930. Utvs. nr. 289.

Fyrste åra dreiv Hans og Kanutte bruket saman med Ole og Ingeborg. Seinare gjekk Ingeborg over på kår. Hans hadde alt vore to turar til USA då han i 1911 sette seg ned som gardbrukar i Bødagarden. Utvs. nr. 603. Han var ein drivande arbeidskar, og dyrka opp att og braut ca. 35 mål jord på bruket. Mellom anna braut han opp alt frå løa og nedover myrane som før var så blaute at det var mogleg å køyre over dei. Han tok hundrevis av meter med veite som han sette att med stein frå nybrota, rudde bort skog og planerte. Riksvegen gjennom tunet vart omlagd i

1930-åra, og Hans bygde ny løe ved nyevegen i 1932, og nytt stovehus i 1935. Hans og Kanutte fødte 8 mjølkekyr, ungfe, 1 hest og 8—10 sauer på bruket.

I 1916 vart Gjerdeplassen bnr. utskild frå Bødabruket og fekk 0,40 mark i skyld. Eigaren av garden, Aron Drotninghaug, selde same året denne plassen til Olav Olsen Lade (sjå Lade bnr. 5) for 1000 kroner. Resten av garden selde Aron Drotninghaug i 1928 til verbroren og brukaren Hans Olsen Hole for 3000 kroner. Hans og Kanutte sat såleis som sjølveigarar siste halvparten av brukstida.

Sonen

*Olav Hanssen Hole* f. 1916 g. 1945 m. Olivie Bendiksdtr. Alnes f. 1913, (Mor hennar var frå Velle. Sjå bnr. 15)

Br. frå 1950, frå 1955 berre halve garden.

Barn: Odd f. 1954.

Første åra braut Olav Hole opp resten av bruket som far hans ikkje hadde vunne over. Det var serleg marka nede ved Storelva. Han har elles bygt om og modernisert stovehuset. I 1955 delte Olav garden med bror sin Bodvar, slik at dei driv kvar sin halvpart og har fjøs og løe (sjå bnr. 11). Det gamle Bødabruket hadde att 1,67 mark i skyld etter delinga. På dette bruket fôrar Olav og Olivia Hole no 3—4 slakteoksar og 8—9 sauer.

Saman med bror sin Bodvar har Olav Hole arbeidt fram ei industriverksemd *Brødrene Hole*. Dei har sett opp fabrikkbygg som dei har utvida fleire gonger, sist i 1974. Sjå bnr. 9.

#### LARSBRUKET bnr. 2.

Drotninghaug vart delt i 1730-åra, og son til Jon Knutsen Drotninghaug tok over det bruket som seinare fekk namnet Lars Bruket. Denne sonen var

*Hallstein Jonsen Drotninghaug*, d. 75 år gamal i 1787, g. 1741 m. Marte Knutsdtr. Fausa (d. 1755) g.2. 1755 m. Ane Rasmusdtr. Svegerde (f. 1731, d. 1779).

Br. 1740—ca. 1779.

Bygselsetel i 1740 frå Søren Madsen på 3 mællag.

Sonen

*Jon Hallsteinsen Drotninghaug* (f 1756, d. 1833) g.1. 1779 m. Anne Larsdtr. Sve (f. 1743, d. 1786) g.2. 1787 m. Gunnhild Pedersdtr. Giskehaug (f. 1755, d. 1813).

Br. ca. 1779—1807.

Jon Hallsteinsen var først bygslar. I 1790 vart det halde takst på jordeigedomane til avlidne Wilhelm Frimann, og Larsbruket på Drotninghaug vart då verdsett til 50 rdl. Husa var noko ringare på dette bruket enn 1 Bødagarden, elles var tilhøva like. I 1799 løyste Jon Hallsteinsen ut bruket av eigaren, hospitalprest M. Tuchsén i Bergen. Jon måtte i det høvet skrive under på ein panteobligasjon på 130 rdl. til Arne Knutsen Sve for å kunne finansiere dette kjøpet. Etter tradisjonen var Jon omgangsskulelærer. Han hadde sankt seg stor kunnskap, og vart rekna for å vere ein mykje opplyst mann. Han var også lagrettemann. I ein tvist om bytet mellom Nysæter, Ramstaddal og Søvikdal fekk sorenskrivar Falch eit gammalt dokument som var skriven på kalvskinn. Sorenskrivaren greidde ikkje å tyde skrifta, og han vart ståande reint i beit. Til slutt spurde han om det var nokon sers opplyst mann til stades. Ålmugen nemnde då Jon Drotninghaug, men han var ikkje til stades. Difor vart det sendt bod etter han. Då han kom, var tingstova så full at han nådde berre innfor døra. «Kom opp til bordet, Jon», sa Falch. Men Jon svarte: «Sjå meg det hit!» Han fekk då kalvskinnet, og mælte så: «Kan ikkje sorenskrivaren lese denne skrifta? Dette kan lesast som det var prent!»

Då Jon hadde lese dokumentet, sa sorenskrivaren: «Ja, du burde vere sorenskrivar, og eg Jon Drotninghaug!» Så gav han Jon 5 rdl. som var utlova til den som kunne tyde dokumentet.

Skiftebuet etter førstekona Anne Larsdtr. i 1886 hadde 39 rdl. i brutto eige. Gjelden var 19 rdl. I skiftet etter Gunnhild Pedersdtr. i 1813 åtte buet m.a. eit tømra naust ved sjøen i Straumgjerde.

Son til Jon tok over bruket. Det var

*Lars Jonsen Drotninghaug* (f. 1782, d. 1858) g. 1810 m. *Karen Olave Karlsdtr.* Lade frå Jogarden (f. 1789, d. 1867).

Br. 1807—1854.

Skøyte frå Jon Hallsteinsen i 1807 på 2 pd. 6 mrk. for 130 rdl. og kår. Både Lars og broren Sivert Andreas (sjå Kråka gnr. 60) var med i krigen 1808—1814. Etter tradisjonen var Lars i militærteneste i Danmark, og fekk der utstykke eit auge. Dette bruket fekk namn etter Lars, og vart kalla Larsgarden. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 2 pd. 6 mark., revidert til 2 dlr. 1 ort 11 skl. I 1845 fødde dei i Larsgarden 1 hest, 7 kyr, 14 sauer og 3 geiter. Sånaden var ½ t. bygg, 1 ½ t. bl.korn, 3½ t. havre og 1 t. poteter.

Etter Lars kom sonen

*Karl Larssen Drotninghaug* (f. 1818, d. 1878) g. 1843 m. Kristiane Marie Ellingsdtr. Hole (f. 1820, d. 1892).

Br. 1854 -1879.

Born: Elling Claus f. 1843, tok over bruket. Ole Andreas Gregorius f. 1846 g.m. Marie Pedersdtr. Hole. Sjø Hole bnr. 5. Lars Johannes f. 1850, lærar i Nord-Norge. Lars *Andreas* Olaus f. 1857, gjekk Tromsø Seminar i 1875. Lærar i Nord-Norge,

Mest truleg brukte Karl Larssen part i bruket frå ca. 1843. I 1854 fekk han bykselsetel på heile bruket, og foreldra hans gjekk over på kår. Skøyte på Larsgarden fekk Karl frå far sin i 1850 for 300 spcl. Karl vart kalla *den eldre* til forskjell frå den samnemnde grannen i Bødagarden.

I 1875 var buskapen i Larsgarden 1 hest, 1 unghest, 9 kyr, 4 ungdyr, 25 sauer og 10 geiter. Sånaden var ¼ t. bygg, 3 t. bl. korn, 3 t. havre og 2 t. poteter.

Son til Karl tok over bruket. Det var

*Elling Karlsen Drotninghaug* (f. 1843, d. 1918) g. 1869 m. Severine Larsdtr. Brudevoll frå Larsgarden (f. 1847, d. 1900).

Br. 1879—ca. 1910.

Born: Karl Ellingsen f. 1864, gift, busett Vågneshaug. Mor: Karoline Pederdtr. Dravlaus.

Born i ekteskapet: Olave f. 1869 g. m. Ottanus Pettersen Ørsnes (sjå bnr. 1 og 4 Ørsnes). Anne f. 1871, d. 1900. Kristine (f. 1874, d. 1967). Jensine (Sina) f. 1877. Utvs. nr. 281. Hans Karl Bastian f. 1880. Utvs. nr. 282. Tok over bruket. Lovise f. 1883 g.m. Elling Frøysa. Tok over bruket. Anna Nikoline Jensine f. 1887, g.m. Ole Varnes. Busett: Brattvåg. Ellen Sofie f. 1890 g.m. Simon Jenssen Sætre. Sætre bnr. 5.

Elling Karlsen fekk skøyte på bruket frå mor si i 1879 for 1.200 kroner og kår, men etter tradisjonen hadde han brukt halve garden alt frå 1867. For å løyse garden måtte han låne pengar, og gjelden auka etter kvart. I 1896 selde han garden til Lars Olaus Salmundsen Lade og til Elling sin bror Ole Karlsen Hole (bnr. 5) for 2.400 kroner. Elling tok atterhald om bruksrett og om bygselrett for eit av borna.

Sonen

*Hans Ellingsen Drotninghaug* (Drotning) (f. 1880, d. 1961) g. 1921 m. Eli Nilsdtr. Frøysa frå Sunnylvn f. 1897.

Br. 1910 -1924.

Born: Selma f. 1922. Utvs. nr. 284. Nelly Palma f. 1923. Utvs. nr. 285. Erling Normann f. 1924 i Sunnylvn. Utvs. nr. 286. Harold Odvin f. 1931 i Seattle, USA.

Hans Ellingsen lærde seg til snikkar i unge år, men reiste til USA alt i 1902. Utvs. nr. 282 og 283. Han kom heim i 1909, og tok over garden året etter. Han la ned svært mykje arbeid med bruket, dyrka mykje jord, og køyrde frå nybrota hundrevis med steinlass som han tenkte å lage fiskedammar av. Han bygde ny løe i 1922 og nytt stabbur. Dessutan dreiv han bygningsarbeid på ymse stader i bygda. I 1914 kjøpte han att garden for 2.400 kroner av Jakob Larssen Lade og Marie Pedersdtr. Hole. Men han vart ikkje verande lenge på Drotninghaug. I 1924 reiste han attende til USA. I 1926 fylgde kona og borna, og garden selde dei til verbroren

*Peder Pedersen Frøysa* frå Sunnylvn (f. 1880, d. 1964) g. 1916 m. Lovise Ellingsdtr. Drotninghaug (f 1883, d. 1942).

Br. 1925—1943.

Barn: Peder f. 1916, g. på bruket.

Elling Frøysa fekk skøyte frå Hans Ellingsen Drotninghaug i 1926 for 10.000 kroner. Elling Pedersen heldt fram med jorddyrkingsarbeidet, og han la ned eit kjempearbeid på bruket. Han bygde også nytt stovehus på bruket i 1931. Ved sida av arbeidet med garden, arbeidde han som smed. Om vintrane dreiv han fram famne ved som han køyrde den lange vegen med hest til Straumgjerde eller Aure. Lovise var meierske, m.a. 9 år ved Velledalens Meieri, og 3 år ved Frøysa Meieri i Sunnylvn.

Sonen

*Peder Einar Ellingsen Frøysa* f. i Sunnylvn 1916, g. 1945 m. Målfrid Elisabeth Pedersdtr. Hellebostad frå Sunnylvn f. 1917.

Brukar frå 1943.

Born; Erling Lidvar (f. 1953, d. 1968). Kjell Perry f. 1958.

Peder Frøysa fekk skøyte på bruket i 1943. Kår. I ungdomstida gjekk han landbruksskulen. I mange år var han tilsett i Sunnmøre Meieri som fjøskontrollør i Velledalen, og hjelpte på same tid foreldra med garden. Etter at han tok over drifta, har han saman med kona si lagt ned eit stort arbeid både med dyrking og stell av bruket og med husdyra. Dei ol seg til ein gild buskap, bygde siloar til løa, og moderniserte stovehusa. Ved sida av arbeidet med bruket, var han også agent for eit mjølkemaskinfirma. Han vart seinare inspektør i dette firmaet, og dette arbeidet har etter kvart vorte hovudyrket hans.

REITEN bnr. 3. (Plassen)

Plass under Larsbruket bnr. 2, utskild i 1878 med skyld 1 ort i skl., rev. 1890 til 0,33 mark. Første brukaren var

*Ole Pedersen Hellebust* frå Sunnylvn (f. ca. 1827, d. 1876) g. 1858 m. *Kristianne Knutsdtr. Myklebust* (frå Haugen), Stranda (f. 1836, d. 1918).

Br. 1860—1883.

Barn: *Jens Peter* f. på Stranda 1859, tok over plassen.

Etter tradisjonen hadde Ole og Kristianne også tilbod på ein plass på Sløgstad, men dei valde Drotninghaug då dei såg dei gilde beiteplassane for feet. Dei fekk festesetel på Reiten i 1860 frå Karl Larssen Drotninghaug i Larsgarden. Stykket var ca. 10 mål, urudt med mykje runnar og stein, og utan hus. Det einaste som var kome på plass då Ole og Kristianne nådde fram til Reiten, var skjåstanga til stova. Dei budde hjå grannen til dei fekk opp husa som står på plassen no. Første året fødte dei berre nokre sauer. I 1865 var buskapen 2 kyr, 4 sauer og 3 geiter. Sånaden var 1 t. havre og ½ t. poteter. Ole og Kristianne handla litt med hest, og det vert fortalt at Kristianne kunne også handle på eiga hand om det var turvande. Elles var ho flink til å lage mør, og reiste rundt i bygda og «møra» i slaktetida.

Sonen

*Jens Peter Olsen Drotninghaug* (f. 1859, d. 1932) g. 1883 m. *Anna Olsdtr. Overvoll* frå Stranda (f. 1858, d. 1947).

Br. 1883—ca. 1930.

Born: *Olivia* (f. 1885, d. 1915). *Karen* f. 1887 g.m. *Sivert Bjerkevik*, Volda. *Anne Marie* f. 1891. *Anna Karoline* f. 1893 g.m. lærar *Bastian Blindheim*. Sjå Riksheim bnr. 19 og Blindheim bnr. 4. *Ole Johan* f. 1895 g.m. *Laura Straumsheim*. Tok over plassen, men flytte til Straumsheim bnr. 4. *Jenny* f. 1901 g.m. *Karl Blindheim*. Sjå Blindheim bnr. 26 og bnr. 4.

*Jens Petter Olsen* fekk skøyte på plassen i 1884 av *Lars Andreas Karlsen Drotninghaug* som i 1878 hadde fått skøyte frå mor si, *Kristiane Ellingsdtr. Jens Petter* betalte 1000 kroner for plassen med rett til ⅓ av kvennavassfallet, hamnerett m.a. for ein hest. Småviltjakta var *Jens Petter* sin hobby. Han var også flink til å stoppe ut dyr. Om somrane var han interessert fiskar i Nysætervatnet der han hadde båt og naust.

Sonen

*Ole Jenssen Drotninghaug* f. 1895, g. 1927 m. *Laura Larsdtr.*



Straumsheim f. 1897 tok over bruket, men flytte sjølv til Straumsheim og dreiv plassen derifra. Sjå Straumsheim bnr. 4.

Sonen

*Leiv Olsen Drotninghaug* f. 1928 g. 1963 m. Irene Grebstad f. 1933, har teke over plassen. Han har vølt stovehusa. Plassen vert nytta som feriebusstad. Sjå elles Straume bnr. 11.

**GJERDEPLASSEN bnr. 4 (Jetmundplassen).**

Opphavleg plass under Bødabruket bnr. 1, utskild 1916 med skyld 0,40 mark. Første brukaren her var

*Jetmund Olsen Melset* (f. 1834, d. 1877) g. 1864 m. Emte Knutsdtr. Velle frå Jogarden (f. 1841, d. 1933).

Br. ca. 1860—ca. 1915.

Born: Oline f. 1864. Anne *Karoline* f. 1866, lærarinne. Sjå Klokkerhaug bnr. 12. Peter Thomas f. 1868, dreiv fiske i 1891. Utvs. nr. 287. Anna Elisabeth f. 1871. Karen f. 1873.

Jetmund bygde hus på plassen, og fødde i 1865 1 ku, 2 sauer og 2 geiter. Sånaden var ½ t. poteter. Buskapen hadde auka i 1875 til 1 unghest, 3 kyr, 7 sauer og 5 geiter. Sånaelen var 1½ t. havre og 1½ t. poteter.

Emte vart sitjande att som enkje med 5 små born då Jetmund døydde i 1877. Det vart svært hardt for henne økonomisk. Ho dreiv mykje med syarbeid, serleg finare saum, for ho var uvanleg flink. Det gjekk gjetord om prydsaumen hennar Øggards-Emte.

Plassen vart fråflytt ca. 1900, og i 1916 selde Aron Drotninghaug i Bødagarden denne plassen til norskamerikanaren Olav Olsen Lade frå Rimeplassen bnr. 5. Kjøpesummen var 1000 kroner. Olav Lade døydde i 1918, og far hans, Ole Knutsen Lade, ervde plassen som han og etterkomarane har ått og brukt saman med Rimen. Sjå Lade bnr. 5.

**DROTNING bnr. 9.**

**BRØDRENE HOLE MØBELFABRIKK.**

Tomta vart utskild frå Bødagarden bnr. 1 i 1954 med skyld 0,01 mark.

Det var brørne Olav og Bodvar Hole frå Bødagarden bnr. 1 på Drotninghaug som arbeidde opp denne verksemda frå grunnen av. Som unggut gjekk Olav Hole arbeidsskulen i Holmøyane.

I 1941 byrja han saman med broren Bodvar å lage utskorne møblar, lampettar og lysekroner. Dei arbeidde i den gamle Bødastova og kjøpte etter kvart inn moderne arbeidsmaskinar. Dei tilsette også fleire og fleire arbeidarar i verksemda, og produksjonen vart utvida til å omfatte også stilmøblar, t.d. utskorne salongbord og hyneskap.

I 1954 sette dei opp eige fabrikkbygg på denne tomta, og dette bygget har dei utvida fleire gonger, sist i 1974. Ved fabrikkjen arbeider det no 10 personar. Produksjonen er for det meste soveromsmøblar og kjøkenbord.

HAUGEN bnr. 11.

Bødagarden bnr. 1 vart delt i 1955, og parten Haugen fekk då 1,66 mark i skyld med bnr. 11.

*Bodvar Hanssen Hole* frå Bødagarden på Drotninghaug f. 1917 g. 1952 m. Olave Edvardsdr. Lade frå Sølmonshaugen bnr. 7 f. 1927.

Br. frå 1955.

Born; Laila Ellinor f. 1949 g.m. Erling Johansen frå Brønnøysund f. 1943. Busett Vik (Høgebøane). Hans Kjetil f. 1954. Vidar f. 1962. Vigdis f. 1959, d. 1962).

Bodvar og Olave driv gardparten sin og deler fjøs- og løhuset med broren og versystra på bnr. 1. Bodvar fôrar no 3—4 slakte-oksar og 8—9 sauer. Dei bygde stovehus i 1951.

Saman med bror sin Olav har Bodvar arbeidt fram ei industri-verksemd *Brødrene Hole*. Dei har sett opp fabrikkbygg som dei har utvida fleire gonger, sist i 1974. Sjå bnr. 9.

HØGTUN bnr. 12.

Tomt, utskild frå Haugen bnr. 11 i 1957 med skyld 0,01 mark.

*Knut Rasmussen Lødemel* frå Hornindal f. 1924 g. 1953 m. Henny Hansdr. Hole på Drotninghaug, Bødagarden bnr. 1, f. 1922.

Born: Pål Rune f. 1956. Keth f. 1964.

Knut Lødemel arbeider som lakkerar i møbelindustrien. Han bygde hus i 1957. Henny Lødemel arbeidde lenge som nattvakt på Sykkylven kvileheim.

## Hole, gnr. 31. [\(Til innhald\)](#)

Namnet har vore skrive Holle i 1603, Houlle i 1616, Huolle i 1617 Hoelle i 1666 og 1700, og Hoele i 1724 og 1834. I dagleg tale seier folk Hole. Garden ligg på sørsida av Storelva på ein morenerygg som lågnar mot vest ned til dei flate Hole-Øyane der det har kome opp mange bustader i seinare år. Frå den gamle tunstaden lenger oppe er det ope utsyn over heile øvre Velledalen. Hole grensar i nord til gardane Brudevoll, Lade og Drotninghaug. Storelva er stort sett grenseskil. I aust støyter bømarka mot det som folk flest i eldre tid kalla Holeyane, og som var utslåttar. Sidan går utmarka og buhamna vidare austetter over Kvitanakken heilt inn til bytet mot setremarka til Dravlaus og Fet. I sør grensar Hole mot setremarka til Brudevoll og Hjortdal i Myrdalen, og bytelina går vidare mot Holetindane. Vest for Hole ligg garden Brunstad.

Faret etter ein eldgamal slepeveg til Hole og vidare opp over Velledalen tar til i ei braut som går opp frå Storelva i Øyane like aust for bytet mot Brunstad. Her må det ha vore eit vad over elva til Brudevoll med samband til vegen ned Velledalen. I Øyane kan det sjå ut til at det også har vore nedlagt lunnar i denne slepevegen som så går austover langs elva. Lange molar er faret utsletta, men på Jobruket kjem slepevegen til syne att. Lenger aust dukkar faret opp på nytt, men det er no vanskeleg å seie kvar vegen har enda eller svinga over Storelva att. Det er mogleg at dette har vore veg til dei øvste gardane i dalen, Lade og Drotninghaug, i alle høve i den tida Lade hadde tunet sitt på sørsida av elva.

Gardsvegen som seinare vart nytta til Hole, tok av frå postvegen i Brøvollsgjerdet, over kvelvingsbru av gråstein, og vidare opp dei bratte bakkane til tunet. Etter tradisjonen var det Brunstad-Magnus som leia arbeidet med brubygginga. Gardsvegen vart teken opp i det offentlege vegnettet i 1906. I 1960-åra vart

brua utvida i breidda og styrkt med betong. Og vegen vart også omlagd.

I 1914 vart det bygt ei ny bru over Storelva til Hole eit stykke vest for den gamle. Denne brua gjekk til Hole-Øyane bnr. 7 og vart kosta privat. Dette var også ei kvelvingsbru av gråstein, og byggmeistrar denne gongen var Karolus J. Drabløs og Johan K. Brunstad, med Ole Henningsen Hole og eldste sonen Hans som arbeidsgjevarar. Hans hadde då tankar om å ta over bruket på Hole, men det vart i staden Bødagarden på Drotninghaug. Denne brua vart likevel alt for smal for dei store lastebilane som kom til Øyebruket i 1950-åra. Brua kom inn under jordskiftet på Hole etter 1952, og ho vart då utvida i breidd og styrkt med betong.

Den tredje brua til Hole ligg aust for gamlebrua og vart sett opp i betong og kosta privat med tilskot frå kommunen i slutten av 1950-åra. Det var Olina Hole og sonen Jon på Holen bnr. 3 som då bygde gardsveg til Holen og som finansierte arbeidet.

Same alderen som brua til Holen har den fjerde brua over Storelva til Hole. Det er brua til Bøen bnr. 5 som etter jordskiftet i 1952 måtte flytte ca. 1 km austetter til Holemyrane. Eigaren av Bøen, Harald Lødøen, bygde denne brua med gardsveg som kjem inn på riksvegen på Lade.

I slutten av 1950-åra vart det bygt jordbruksveg mellom Brunstad og Hole gjennom Hole-Øyane. Planen var at vegen skulle gå gjennom Hølegarden og vidare austover på sørsida av Storelva heilt til han kom på høgd med Lade. Byggearbeidet har mellombels stogga i tunet på Hole. Vegen er likevel til stor nytte så langt han rekk, for no går transportbilane her og hentar og leverer varer i tuna.

Frå Hole er det fjellovergang gjennom Myrdalen og Hevsdalen til Stranda. Denne overgangen har vore mykje nytta ned gjennom tida både i handel og vandel. Her for dei med dyr både for kjøp og sal. Ofte var det hestar frå Stranda som skulle på beite i seiremarka til Lade og Drotninghaug. Ungdom frå båe bygder gjekk på friarføter, og slekt og vener fylgde gjerne til bryllaup og gjestebod. Sommars tid var det mest dagleg farande folk over Myrdalen og Hevsdaten,

Alt frå 1890-åra har bygdepolitikarane arbeidt med planar om veksamband mellom Sykkylven og Stranda, og valet stod mellom vegline over Fausa, eller over Myrdalen. Det vart Myrdalen som sigra, og i 1930-åra tok arbeidet til med vegen over fjellet. I 1938

var vegen over Myrdalen og Hevsdalen til Stranda ferdig, men alt tidleg på vårparten 1937 tok første lastebilen seg fram frå sykkyllvssida til Stranda. Det var Oskar Larssen Hole (Brudevoll bnr. 1) som saman med 12—13 hjelpesmenn braut seg gjennom snøskavlane over den siste veglause molen, og køyrde i triumf ned til Stranda. Folk såg på hendinga som gjennombrøtet til ei ny tid med lettare samkvem og mindre slit, og karane vart mottekne med stor glede av bygdefolket, og med drusteleg gjestebod på hotellet.

Det har også vore skytebane på Hole. Bana låg på Leitet aust for garden, og det var «Velledalens skjotarlag» som leigde grunn der i 20 år frå 1910.

Kor gamal busettinga er på Hole, kan det vere vanskeleg å seie noko visst om med dei opplysningane som no ligg føre. Det einaste kjende fornfunn som er gjort på garden, er eit ovalt spenne. («Sykkylven i eldre tid» s. 67). Men det er liten grunn til å tvile på at det har butt folk på Hole alt i vikingtida, og kanskje før. Korkje Hole eller andre gardar ovafor Brunstad i Velledalen er nemnde i tiendepenninglista frå 1520, så det er mogleg at både Hole og dei andre gardane øvst i dalen har lege øyde ei tid etter Svartedauden. I 1603 var det tre brukarar og ein øydegardsmann på Hole, men nokre år seinare var det 4 bruk på garden, og alle bruka skatta då om lag likt. Frå midten av 1620-åra vart det 5 bruk, og slik heldt det seg ca. 200 år. I 1800-åra kom det til nokre småbruk som vart utskilde frå hovudbruka. Det eine av hovudbruka vart delt i 1889. Sjå bnr. 1 og 2. Nokre tomter har vorte utskilde i seinare år, og nye bustader er komne til på garden.

Innmarka på Hole låg i smått teigbyte til 1834 då brukarane heldt frivilleg jordskifte. Noko av utslåttane på austsida, av gardane kom også med i dette jordskiftet. Noko radikal endring kom dei nok ikkje fram til, for framleis vart kvart bruk delt i 7—8 teigar. Slik vart det verande til det kom nytt jordskifte i slutten av 1940-åra. Det vart sett i kraft frå 1952. Då fekk kvart bruk si bømark i ein teig, og all heimeutmark vart utlagd til eigedoms-grunn. Dei to småbruka Bøen bnr. 5 og Nakken bnr. 12 måtte flytte ca. 1 km austover til Myreløteigane og Gamlegjerdet i Hole-myrane, Nygard bnr. 2 måtte flytte vestover til Hole-Øyane, sameleis vart stykket Lyngheim bnr. 14 flytt vestover til bytet mot Brunstad.

Etter tradisjonen var det berre haugane og holane som var

dyrka på Hole fram til 1880-åra. Beste kornlandet låg på sørsida av moreneryggen. Der låg m.a. Kjerreåkeren, Myreåkeren, Hage-åkeren og Ripene. Elles var det også åkrar ned over bøane mot Storelva.

På Hole slutta brukarane tidleg å nytte tust og skeidd til å truske med. Alt i 1840-åra er det likt til at det byrja eit storarbeid for å få truskevatnet til gards. Det tok til i Holebotnen med ei svær veite frå elva i Bruarøra. Denne veita grov dei i krik og krok ned Brekka på austsida av Hole-elva, eller Itle-elva som ho også vert kalla. Veita enda i Aurskogelva som truskevatnet så fylgde ca. 100 meter. Der skar dei ut med ei ny veite som tok vatnet i nordaustleg retning. Veita grov dei gjennom heile Koldabakkane og aust om Hologarden. Der svinga veita vestover att, og munna ut i Geilstrupen. Når dei så opna for vatnet, fossa det ned gjennom geila og inn i tunet der truskehjula stod. Frå dei gjekk det snorer til løene. Desse veitene syner framleis, endå det er over 50 år sidan dei var i bruk. Etter tradisjonen var det Bø-Andreas (bnr. 5) og Reite-Karl (bnr. 6) som tok på seg kjempearbeidet med grøftegravinga. Som betaling fekk den eine ein koparkjel, den andre ei sleggje.

Då det kommunale kraftverket kom i drift i 1918, bytte dei truskehjula ut med elektrisk motor, men fleire av hjula har vore i garden like til siste åra.

Dei fleste kvernhusa på Hole stod ved kvernveita som gjekk ut frå Storelva eit stykke vest for den nye brua til Holen bnr. 3, og rann inn att i Storelva eit kort stykke ovafor Holebrua. Øvst kom kverna til Haugen, så fylgde Olakverna, og nedst stod Jokverna, Knutkverna og Jørnkverna. Reiten hadde bruksrett i Jørnkverna, men etter ei tid bygde dei si eiga kvern lenger nede med vatn frå Langegrova og Itleelva. Jørnkverna var lengst i bruk.

Hole hadde mange og store utslåttar både aust og vest for bøen. Når brukarane hadde gjort unna langhøyslåttan, for dei ned i Øyane der m.a. Jobruket, Olabruket og Haugen hadde store teigar. Knutbruket hadde Ytsteteigen ved Storelva nord for Reiten bnr. 6. Sidan tok dei til på austsida av bømarka. Her var det først Storteigane som strekte seg om lag inn til Harald Løddøen sitt nye tun på bnr. 5. Dei fleste bruka på garden hadde slåtestykke her, men somme slo berre annakvart år. Lenger aust kom Myreløteigane der både Nygard, Jørn-, Jo- og Olabruket hadde stykke, og kvar si skogaløe. I Gamlegjerdel som låg til bytes austafør, hadde

m.a. Knut- og Jobruket kvar sin teig. Her var det ikkje skogaløer. Men i det neste feltet, Øyerteigane, vanta det ikkje løer. Slik kunne ein rite opp slåttefelta aust gjennom Holemyrane: Nyløteigane. Itlelømarka, og lengst aust Bergane. Der hadde alle brukarane løer. I tillegg til desse utslåttane kom stølsstykkka på Myrdalen. Både frå Myrdalen og teigane i Holemyrane der det var skogløer køyrde dei høyet heim på vinterføret. Dei fleste småbruka på garden hadde også sine utslåttar, men desse stykkka var for det meste både få og små. Difor søkte dei gjerne til stader ingen andre kaga på. Holen og Nakken slo såleis i Hjulskredene og Liene i bergsida søraust for Haugen. Her var stupbratt med høge hamrar under. Etter tradisjonen tjøra dei borna fast i trelegger medan dei slo og raka her, slik at borna ikkje skulle kante ut for hamrane og slå seg i hel. Småbruket Reiten slo i Holebotnen på nokre myrar der det også var høyløe.

Brukarane på Hole slår ikkje småhøy lenger. Det var eit umåteleg slit å fare over desse store viddene og få høyet tørt og velberga under tak. Serleg når det leid ut på hausten og det vart rotver, hende det ikkje sjeldan at arbeidet vart til fånytt. Slik var det også hausten 1944. Det var siste gongen karane på Hole slo i desse utslåttane. Høyet rotna i regnet, og eigarane let det ligge. Seinare på hausten kom nokre karar frå ein av grannegardane. Karane raka saman høyet og leverte det som plikthøy til tyskarane.

Utmarka har Hole sør for garden frå bytet mot Brunstad og heile bergsida austover. Her var heimehamn for buskapen, og her var skogteigar. I førearbeidet til matrikkelen frå 1864 står det at hamna var «meget god» på alle måtar. Når buskapen slapp ut om våren, fekk han først beite i slåttemarka i tre veker. Så kom dyra i heimehamna. I eldre tid hadde Hole også ei vårseter som dei kalla Itlesetra i Holebotnen. Der var også buskapen ei tid før dei flytte til rette setra på Myrdalen. Her var dei i 6—7 veker før dei kom attende til heimehamna. Og så slutta dei utebeitet om hausten på same måten som dei byrja om våren med å sleppe dyra i slåttemarka. Der fekk buskapen ta det som stod att etter slåttekarane. Gjeting av dyra var vanleg både i heimehamna og på setra, både for å verje dei mot udyr og for å leie dei til beste beiteplassane. Dessutan var det viktig at alle dyra var samla på ein trygg stad om natta. Til fram i 1960-åra levde det att folk på Hole som hadde vore ute for nærsøkne bjørnar både i gjetarsko-

gen og på Myrdalssetra. I 1930-åra var det mykje geiter på Hole. I den tida leigde dei ein fast gjetl heile sommarhalvåret.

Skogen i heimeuttnarka har vore bytt i teigar så lenge nokon veit. Garden har hatt nok skog til brennefang, såleis ikkje så lite bjerk. Det har også vore bra med rogn i marka, og den tida det var geiter på garden, var det vanleg å smie rognebork vintrane som tillegg til høyet. Går ein lenger attende i tida til byrjinga av 1600-åra, stod det ennå att av den gamle barskogen, men skogøydinga var då i full gang. Også på Hole var det flaumsag. Frå 1603 til 1615 skar saga årleg frå 15 til 50 tylfter bord. Seinare minka det, og frå slutten av 1620-åra er det lite å finne om flaumsaga på Hole. Nede ved Storelva i nærleiken av dei gamle kvernhusa er det framleis ein stad som ber namnet Sagvollane. Truleg var det her gamlesaga stod på Hole. I 1920-åra bygde oppsitjarane på Hole ei ny sag som gjekk med motor. Denne saga stod i gamletunet. Men det vart ikkje svært mange år ho var i drift.

Digre røter i Longemyra og andre myrar på Hole er det einaste som minner om storskogen på garden i gamal tid. I Longemyr-bakkane har det også vore ei gamal kolmile. På fleire stader har oppsitjarane gjort tiltak for å kome i gang med ny skogreising. Dei første var Knut- og Jørnbruket som alt i 1905 tok til å plante i Itlelømarka. Desse trea har vakse svært godt, og då eigarane i 1960-åra sette opp nye hus etter jordskiftet på garden, tok dei grovmaterialen frå denne skogen. I seinare år har Knutgarden og Nygarden utvida feltet sørover ovafor vegen, og dei har også teke veiter her for å drenere jorda. Elles har det kome større fart i skogplantinga på Hole etter at både buhamna og utmarka i 1952 vart utlagde til eigedoms grunn. Etter jordskiftet har brukarane også rydda kulturbeite for storfeet både i bakkane sør for tunet, i Storteigane, på Leitet og andre stader.

Gamletunet på Hole låg i ei klyngje som hadde midtpunktet om lag der det nye stovehuset på Jørnbruket bnr. 4 står no. Gjennom tunet gjekk geila om lag frå vest mot aust. På sørsida av geila låg øvst tunet til Haugen. Det nye huset står her på tufta til det gamle. Like nedafor Haugen kom Jørntunet. Reite-Peter på bnr. 6 som ætta frå Jørngarden, fortalde at det gamle stovehuset i Jørngarden var mura opp av stein. Løa som står på bruket, vart opphavleg bygd av Jakob Olsen Hole f. Midtgaard. Han sat som brukar frå 1860 til 1876. Jakob skreiv dagbok som diverre er



komen bort. Peder Holmberg i Reiten bnr. 6 siterer etter minnet nokre ord Jørn-Jakob hadde skrive første tida han arbeidde med si nye løe: «— I dag blev en stor sten bragt til veie som grundvold for vår nye ladebygning formedelst stor folke- og hestehjelp.»

Eit kort stykke vest for Jørnløa kom den gamle Knutstova som Knutgamle-Ole flytte ei stykke vestover og lenger frå Jørnløa. Knutgarden vart delt i 1889, og husa til det nye bruket Nygard vart først bygt like vest for Knutstova, men etter jordskiftet i 1952 flytt til Øyane.

På austsida av geila stod Jotunet på høgd med Knutgarden på andre sida. På austsida av Jostova kom Olatunet som seinare vart flytt noko lenger aust og opp i bakken. Småbruka som vart ut-skilde i slutten av 1800-åra, har same tuftene som dei opphavleg fekk, med unnatak av Bøen bnr. 5 og Nakken bnr. 12 som vart flytte aust til Holemyrane. Men berre Bøen bnr. 5 har fått opp hus. Vatnet til husbruk og fjøsbruk kom frå ein brunn på Haugen og gjekk i veite til tuna lenger nede i garden til veita munna ut i Lange-grova sør for tunet.

Næringsgrunnlaget på Hole har stort sett vore som på dei andre gardane i Velledalen. Heilt fram til 1950-åra var det åkerbruket og fealet som gav det meste av innkoma. Frå gamal tid har Hole hatt ord på seg for å vere ein god korngard. Såleis fortel matrikkelen frå 1724 at garden var viss til korn. Ingen på Hole har høyrte nokon fortelje om korn som har frose. I 1864 avla kvart av dei største bruka 4 t. bygg, 26 t. blandkorn, 30 t. havre og 26 t. poteter. Under verdskrigen 1939—1945 dyrka dei fleste også kveite som både mognast og gav godt matmjøl. Korndyrkinga tok til å minke i 1880-åra då det vart eit oppsving for storfeet. Jorddyrkinga kom i gang for alvor, og i tida som fylgde la brukarane ned eit kjempearbeid med graving av grøfter og drenering av myrar og vass-sjuk jord. Det var i denne tida separatoren kom i handelen og meieriverksemda tok til.

Førsle separatoren kom til Hole i 1890. Ole Knutsen Hjorthol frå Pegarden og Johan Larssen Hole frå Knutgarden hadde vore i teneste på Stranda. Dei leigde ei meierske som heitte Anna Rekdal, og så byrja dei meieriverksemd i Hau-kjellaren på Hole. Det er noko uklart kor lenge dei dreiv på Hole. Etter tradisjonen drakk ein av hestane på garden opp ei heil spann med fløyte. Seinare flytte meieriet til Jetmundgarden på Brudevoll, og dit leverte dei mjølka frå gardane Hole, Drotninghaug, Lade, Brudevoll og Hjort-

dal til meieriet ved Brunstad-brua kom i drift. Sjå under Hjortdal. Separatoren selde Johan Larssen Hole til meieriet på Ikornnes.

I nedgangstida etter verdskrigen 1914—1918 fekk meieria vanskar med å bli av med både mjølka og mjølkeprodukta, og prisane fall. For å bøte på lønsemda gjekk brukarane på Hole i denne tida inn for eit sterkare geithald med ysting heime. Ole Peter Larssen Hole i Jørngarden tok alt i 1924 til å yste geitost i kjellaren sin og osten selde han i Ålesund. Men snart gjekk brukarane på Hole saman om ystinga som dei ei tid dreiv i Jørnkjellaren, og noko av tida i Jokjellaren. I 1932 kjøpte dei det gamle Velledalens Meieri ved Brunstadbrua og flytte det til Haugen på Hole der dei bygde det opp att til ysteri. Ysterske og gjett leigde dei. Kvar brukar hadde i denne tida ca. 30 geiter. Dessutan leigde de i geiter om sommaren. Nokre år gjekk arbeidet godt, men etter kvart melde det seg problem med å få geitene til gards. Etter tradisjonen var det serleg dei leigde geitene som skapte vanskan. Dei søkte opp i flærne heilt til høgste tindane, og det var mest dagleg folk som måtte våge livet for å få dyra heim. Til slutt freista karane å kaste eller fire ned dynamitt frå dei høge toppane slik at geitene skulle bli skremde ned att av eksplosjonane. Menn det var til lita hjelp, i siste halvparten av 1930-åra minka geithaldet. Det vart slutt med ystinga, og brukarane på Hole gjekk på nytt inn for storfeet.

Bjerkeskogen har også gitt brukarane på Hole litt inntekt ned gjennom tida. År om anna har dei drive fram ikkje så reint lite famneved for sal. Dessutan var det vanleg om våren å ta bork og never. Det var mange hus som høyrde til kvart bruk, stove, løe, stabbur, 5—6 skogaløer, kvernhus, sel på setra, kanskje eit eldhus og eit naust ved sjøen. Alle hus hadde torvtak med never under i eldre tid. På denne måten gjekk det mykje never til eige bruk, men nok selde dei og. På same måten var det med bjørkeborken. Karane barka heime huder og skinn til skor og støvlar, sameleis batt dei sine eigne torskegarn og barka dei heime. Men bork var også salsvare som brukarane sende med jektene til Trondheim eller Bergen saman med tørka kjøt og fisk. Holekarane dreiv også vinter fiskja, og det er likt til at dei aller fleste stasjonerte på Vigra.

Alt i 1890-åra byrja utvandringa av ungdom frå Hole til USA, og fram gjennom åra til 1930 fylgde det etter sysken, slektninger og vener frå dei fleste heimane på garden. Somme kom heim, tok

over foreldregarden og betalte gamal gjeld, reiste på nytt til USA for å tene meir før dei slo seg ned for godt på Hole. Andre slo seg ned for godt i det nye landet. Frå 1930-åra byrja det å bli lettare for dei unge å få arbeid i si eiga bygd. Fleire møbelfabrikkar kom i gang også i Øvre Velledalen i åra som fylgde. Brørne Brunstad frå Nygard bnr. 2 på Hole saman med verbroren Arthur Synnes gjorde opptaket til Steinland Trevarefabrikk (Brudevoll bnr. 13). Olav og Paul P. Hole frå Øyane bnr. 7 byrja med maskinstasjon og transportforretning. På Reiten bnr. 6 gjekk dei i gang med gartneri. Andre dreiv bygningsarbeid eller arbeidde på fabrikk. Av den yngre generasjonen hadde dei fleste kvinner og menn fast arbeid i dei nye verksemdene som utvikla seg i bygda. Den eldre generasjonen som sat med gardane, fekk god hjelp i arbeidet frå dei unge både om kveldane og i feriane når slåtten var som hardast. Etter kvart har den yngre generasjonen også teke over gardsstellet. Dei fleste held fram med handverket sitt eller industriarbeidet som før, og driv garden saman med kone og born. Sjølv om dei fleste har mindre buskaper enn før, er det likevel mange som framleis driv gardane sine godt på Hole. Det finst også att brukarar som framleis har gardsdrifta som næringsveg.

#### MATRIKKELGARDEN.

Hole vart i 1600-åra rekna i skatteklasse med halve gardar. Skylda var 3 våger fiskeleite på 1600-talet fram til 1666 då skylda anka til 1½ laup 18 mrk. smørleige, som svarar til 3½ våg fiskeleite. Som ein ser vart Hole her skyldsett i smørleige, men brukarane la landskylda si i fiskeleite likevel i åra som fylgde. For å få klårleik i om Hole og andre sykkyllvgardar som i matrikkelen står opp førde med smørskyld, svara landskyld av smørtakst eller 2 våger fisk av 1 laup smør, vart oppsitjarane. m.a. på Hole i 1734 kalla inn til eit ekstrating på Langlo. Holekarane stadfeste då at dei alltid hadde betalt landskylda si i fisk. Skylda heldt seg uendra til 1838 då det vart ny skyld, 12 dlr. 4 ort 20 skl. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda 22,40 mark. Leidangen var 1 geitskinn 2 kalvskinn i 1600-åra fram til 1660 då den vart auka til 1 geitskinn 4 kalvskinn. I 1705 var leidangen 2 ort 8 skl.

Tienda var i 1666 5 t. havre, ½ t. bygg og 2½ pd. ost, og i 1717 5½ t. havre, 6 skp. bygg og av ost 2 pd. 12 mrk. eller 90 skl.

#### EIGARAR.

Hole var gamalt kyrkjegods. Sykkylven kyrkje åtte heile garden, og Hole fylgde same eigarane som den halvparten av Vik som Sykkylven kyrkje åtte. Sjå under Vik. Som nemnt kjøpte jordeigande bønder i Sykkylven både Sykkylven kyrkje og jordegodset som kyrkja åtte i 1809. Kyrkja og det som var att av kyrkjegodset kjøpte Sykkylven kommune i 1879, og kommunen selde etter kvart dei einskilde bruk på Hole til brukarane.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

1620: Då var det 4 mann på Hole. Sånad 9½ t. korn.

1658: Buskapen var 4 hestar, 37 kyr, 38 sauer og 19 geiter.

1666: 5 mann. Sår 14 t. korn, avlar 55 t. Kan fø 5 hestar og 50 naut. Brennefang,

1717: 4 mann. Sår 13 t. havre og 1 t. 6 skp. bygg. Avlar 57 t. havre og 8½ t. bygg. Kan fø 5 hestar og 51 naut. 4 små kvernar på garden.

1724: 5 mann. Sår 12 t. havre, 4 t. bygg. Avlar 42 t. havre og 20 t. bygg. Nok skog. Seter. 5 kvernar. 1 mil til sjøen. Garden er tungvunnen for høy, men viss til korn.

1770: 3 kvernar. 1791 : Ny kvern bygd.

1802: 5 mann. Garden har turvande skog til brennefang. Sommarbeite til husdyra.

1864: Hamnegangen er mykje god på alle måtar. Garden har skog til brennefang, og kan selje litt bjerk. Vegen til sjøen er «ubekvem», og garden er tungbrukt.

1875: 9 mann. Fôrar 5 hestar, 6 unghestar, 63 kyr, 1 okse, 25 ungdyr, 162 sauer, 56 geiter og 7 svin. Sånaden var 1¼ t bl.korn, 26 ¼ t. havre, 25 t. poteter, og dessulan 1½ mål med rotfrukt.

KNUTGARDEN bnr. 1.

*Lars Hole* var i 1603 og åra som fylgde brukar på ein øydegard på Hole. Ein *Lars Hole* åtte også 1 våg fiskeleige jord i Hjørundfjord. Truleg er det dette øydebruket på Hole som seinare vert kalla Knutbruket.

*Knut Hole*, br. ca. 1623—ca. 1660.

Han la ½ mæle i tiend til kyrkja, og somme år noko meir. I 1645 la han koppskatt av seg sjølv med «quinde och pige», og skatta i 1648 av 2 mællag 2 mrk. I kvegskattelista for 1658 er brukaren ikkje nemnd. Saman med grannen Jakob, truleg i Jogarden, fekk Knut i 1635 2 rdl. i bot for «nogen ringe forseelse uti i thiende». Ein av dei to karane var då med «en slem siuge beloeeed». I 1655 fekk Knut og fleire andre bot fordi dei ikkje hadde hjelpt til med å skyssse «vår gunstige herr statsherre» Ove Bjelke på ei ferd frå Austråt til Bergen.

*Ole Knutsen Hole* f. 1623.

Br. ca. 1660—1695.

Han skatta i 1666 av 2 mællag jord, og i 1675 av 2 mællag 6 mark.

*Knut Olsen Hole* (f. ca. 1674, d. 1745) g.m. Anne Olsdr. Ringstad, Lånagarden (d. 1714) gift att med Tyri Knutsdr. Klokke (f. ca. 1683, d. 1744).

Br. 1695—1726, sidan nokre år halve bruket saman med sonen.

Bygselsetel i 1695 frå Sykkylven kyrkje ved Henning Castberg på 3½ mællag for 4 rdl 2 ort. Nytt bygselbrev i 1720 på 3½ mællag. I skiftet etter førstekona Anne i 1714 er m.a. nemnt at buet åtte 10<sup>4</sup>/<sub>5</sub> mrk. fiskeleige i Ringstad.

Sonen

*Peder Knutsen Hole* (f. ca. 1706, d. 1764) g.l. 1731 m. Tyri Larsdr. Løset (f. ca. 1707, d. 1743) g.2. 1744 m. Berte Pedersdr. Fausa frå Pegarden (f. 1708, d. 1783).

Br. 1726 1768.

Bygselsetel i 1726 frå major Rømer på 2 mællag i Hole «som hans fader for ham har opladt». Peder brukte såleis garden saman med far sin første åra. I 1744 var Peder Knutsen lagrettemann. Førstekona hans, Tyri, fekk trillingar i 1736, den eine var dødfødd, dei to andre døydde kort etter. I 1737 fekk ho eit nytt dødfødt barn, og miste same året ei jente på 4½ år. Men ho hadde att sonen Elling, og fekk dessutan tvillingar i 1741. Ho var berre 36 år gamal då ho døydde. Skiftebuet etter Peder i 1766 hadde 106 rdl. i brutto eige. Gjelden var 43 rdl.

Sonen

*Knut Pedersen Hole* (f. 1748, d. 1825) g. 1769 m. Marte Knutsdtr. Vik frå Sjursgarden (f. 1744, d. 1825).

Br. 1768—1800.

Byggselbrev frå enkja Sebastianne Mechlenborg på 3 mællag 12¾ mrk. i 1768. Knut Pedersen var lagrettemann.

Sonen

*Peder Knutsen Hole* (f. 1775, d. 1830) g.1. 1802 m. Marte Pedersdtr. Tandstad frå Johannesgarden (f. 1775, d. 1821) g.2. 1823 m. Ragnhild Rasmusdtr. Ytre Tandstad (Lensmannsgarden) (f. 1791, d. 1883).

Br. 1800—1831.

Byggselbrev frå fru Mechlenborg i 1800 på 2 pd. 12¾ mrk. Kår til Knut Pedersen. I 1802 sådde Peder 4 t. havre og 1 t. bygg. Buskapen var 1 hest, 10 storfe og 26 småfe. Peder Knutsen var lagrettemann. Bror hans. Knut som seinare busette seg i Utvika (sjå Tidsskriftet til Sunnmøre Hist.lag 1954 s. 45), dreiv bondehandel i 1810, og det er likt til at også Peder sysla med det same. I 1816 gjekk det rykte på bygda om brennevinshandel på Vik. Sokneprest Kielstrup melde saka, og lensmannen kverrsette 1⅓ t. brennevin i huset til Gunder Vik. Peder Knutsen Hole opplyste i retten at det var h a n som hadde lagt brennevinet inn i huset til Gunder etter ei ferd til Bergen. Mange frå bygda hadde sendt med han både varer og pengar til å kjøpe heim brennevin for. Såleis hadde Elling Sjursen Drotninghaug sendt både tørkakjøtt, syre og ½ våg smør. Det var såleis fleire i bygda som åtte i dette brennevinet, men det hadde ikkje vorte selt for 2 skilling av det i Gunder sitt hus, hevda Peder Knutsen Hole. Saka vart så send over til amtmannen til vidare handsaming. I 1826 lånte Peder Knutsen 90 spd. av Jens Rasmus Olsen Strømmegjerde. Mest truleg har lånet vore i samband med handelsverksemd. Skiftebuet etter førstekona Marte Pedersdtr. i 1821 hadde 244 spd. i brutto eige. Gjelden var 81 spd. Skiftebuet etter Peder i 1830 hadde 196 spd. i brutto eige. Gjelden hadde auka til 274 spd.

Enkja Ragnhild Rasmusdtr. gifte seg att i 1831 med

*Ole Gregoriussen Tjønes* frå Sjurgarden (f. 1799. d. 1860).

Br. 1831—1856.

Byggselsetel frå Sykkylven kyrkje i 1831. I 1836 var det frivilleg jordskifte av innmarka på Hole. Ved den nye skyldsettinga

i 1828 vart den gamle skylda på Knutbruket, 2 pd. 12<sup>3</sup>/<sub>4</sub> mrk., revidert til 3 skylddaler 13 skilling. Sånaden på bruket i 1845 var ½ t. bygg, 2½ t. bl.korn, 4½ havre og 2 t. poteter. Buskapen var 2 består, 11 kyr, 22 sauer og 6 geiter.

Sonen

*Lars Gregorius K Olsen Hole* (f. 1833, d. 1871) g. 1856 m.

Anne Oline Larsdtr. Hellen (f. 1838, d. 1904).

Br. 1856—1873.

Born: Anne f. 1855, dotter til Lars Olsen Hole og Anne Marie Ingebrigtsdtr. Velle.

Lars og Anne Oline sine born: Ole f. 1859. Lovise f. 1863 g.m. Andreas Andreassen Aurdal i Larsgarden. Johan Edvard f. 1866 g. 1893 m. Olave Petersdtr. Helstad (Teigen), Stranda. Peter f. 1868. Utvs. nr. 601. Karl f. 1871. Utvs. nr. 595. Sjå også Hole bnr. 2 og bnr. 11.

Knutbruket hadde i 1864 33 mål god dyrka mark, og 105 mål naturleg england, men noko av det var heller ringt. Lars sådde ½ t. bygg, 4 t. bl.korn, 5 t. havre og 4 t. poteter. Avlinga var 4 t. bygg, 26 t. bl.korn, 30 t. havre og 26 t. poteter. Buskapen var 2 hestar, 15 storfe og 36 småfe. Truleg er buskapen på plassen Holen rekna med i denne oppgava. I ei anna oppgåve frå Knut-bruket i denne tida vart buskapen sett til 1 hest, 12 kyr, 24 sauer og 6 geiter. Om vintrane dreiv Lars fiske. Han omkom på sjøen.

I skiftet etter Lars i 1873 fekk enkja Anne Oline m.a. <sup>3</sup>/<sub>4</sub> av eit kvernbruk på Hole, og halvparten av eit naust i Straumgjerde. Ho gifte seg att i 1873 med

*Ole Martinussen Melset* frå Pettergarden (f. 1846, d. 1919).

Br. 1873—1884, sidan halve bruket til ca. 1915.

Born: Lars f. 1875, tok over bruket. Martinus f. 1878. Utvs. nr. 606. Olave f. 1882.

Bygselsetel frå Sykkylven kyrkje i 1873 til Ole Martinussen. Sykkylven kommune løyste ut jordegodset kyrkja åtte i 1879, og vart såleis eigar også av dette bruket. Før Ole tok over bygselen, hadde han drive Trondheimshandel. han var også skreddar. Notatbøkene hans er framleis i Knutgarden. I 1875 fødte Ole 1 hest, 1 unghest, 8 kyr, 6 ungdyr, 21 sauer, 10 geiter og 1 gris. Til dette kom kårdyra til «gamlekona» Ragnhild Rasmusdtr.: 2 kyr, 3 sauer og 2 geiter. Sånaden på bruket var 3 t. bl.korn, 5 t. havre, 4½ t. poteter, og Ole hadde dessutan 2 ar med rotfrukt.

Plassen Holen (sjå bnr. 3) vart i 1883 utskild frå bruket. I

1884 kjøpte Ole Martinussen halve Knutbruket med husa for 2000 kroner av Sykkylven kommune. Den andre halvparten kjøpte styksonen Ole Peter Larssen Hole av Sykkylven kommune for 1.500 kroner og kår til Ole Martinussen og Anne Oline Larsdtr. Dei dreiv garden til 1889 då Ole Peter Larssen sin part vart utskild frå Knutbruket og fekk namnet Nygarden med bnr. 2. Sjø brn. 2. Namnet Knutbruket fylgde Ole Martinussen sin halvpart. Han flytte ut frå gamletunet og sette opp stove og løe eit stykke lenger sørvest. Skylda på Knutbruket hadde no minka til 1 skylddalar 1 ort 12 skl., revidert 1890 til 2,25 mark.

Eldste son til Ole Martinussen tok over det som var att av Knutbruket. Det var

*Lars Olsen Hole* (f. 1875, d. 1957) g. 1923 m. Thea Eliasdtr. Lade frå Sølmonshaugen f. 1891.

Br. ca. 1915—ca. 1950.

Lars sitt barn: Olga f. 1909 g.m. fyrmeister Elias Oen. Sjø Brudevoll bnr. 12.

Thea sitt barn: Erling f. 1918, g.m. Else Frantzdtr. Leira. Bustad Vik, tomt under bnr. 6.

Lars og Thea sine born: Ole Arnold f. 1923, har teke over bruket. Torleif f. 1930, teknikar, g.l. m. Jorunn Dragnes, g.2. m. Solveig Kristiansen frå Senja. Busett Stranda. Edvard f. 1934, g.m. Ellinor Antonsen frå Ramfjord. Sjø Hole bnr. 18.

Skøyte til Lars Olsen frå far hans i 1919 for 3.700 kroner og kår. Han la ned mykje arbeid på bruket, m.a. på «Yttestykket», planta også ein heil del skog, m.a. ca. 30 mål med fure i «Itlelø-marka». Buskapen i Knutgarden i Lars si brukstid var som oftast 1 følmerr, 1 unghest, 6 mjølkekyr, ungdyr, 8—9 sauer, og 12 geiter. Om vintrane dreiv Lars fiskja. Såleis var han 15 vintrar hjå den kjende høvedsmannen Gjørsund-Hallvard. Han var interessert skyttar, og i mange år formann og drivande kraft i «Velledalens skjotarlag». Etter tradisjonen var han med som aktør første gongen ungdomane i Velledalen synte fram eit skodespel. Det bar til i Holeskulehuset, og det var folkevisa «Han Mass og han Lass» han Lars og felagane hans hadde dramatisert. Lars var elles kjend for å vere spenstig og flink til å danse springdans. I 1920-åra vart han skadd i eit auge av ei treflis frå ei sirkelsag på Hole.

Sonen

*Ole Arnold Larssen Hole* f. 1923 tok over bruket i 1950-åra, og



hadde første åra god hjelp frå mor si med fjøsarbeidet. Han gjekk landbruksskolen på Gjermundnes i 1947, og i åra som fylgde var han driftskontrollør for fjøskontrollen i Velledalen. Frå 1955 har han drive bygningsarbeid ved sida av arbeidet med bruket. Han har planta ein heil del skog, m.m. i Brekkemyrane. Etter jordskiftet på Hole bygde Ole Arnold nytt stovhus i 1965. Mesteparten av materialen dreiv han fram frå egne plantefelt på bruket. Han kjøpte traktor i 1968. Buskapen i 1970 var 5 mjølkekyr og nokre ungdyr.

NYGARDEN bnr. 2.

Knutbruket bnr. 1 på Hole vart delt i 1889, og halvparten «Nygarden» fekk bnr. 2 med skylda 1 dlr. 1 ort 11 skl., revidert 1890 til 2,25 mark.

Son til Lars Olsen Hole i Knutgarden løyste ut Nygarden. Det var *Ole Petter Larssen Hole* (f. 1859, d. 1904) g. 1888 m. Johanne Karlsdr. Lade frå Olagarden (f. 1864, d. 1939).

Br. 1884 ca. 1912.

Born: Ole Andreas f. 1891, arbeidsstad siste 30--40 åra i Eilevgarden, Straumgjerde. Inga Lovise f. 1893, d. 1921 i Nedste-Einane, Straumgjerde. Lars Karl Edvard (f. 1896, d. 1916), var i utanriksfart og på ishavet, vart slegen over bord av bommen på Trenabanken i 1916 og bleiv der. Peter f. 1898, d. 1970 på Sykkylven kvileheim. I mange år tenar i Olagarden. Karl f. 1900, d. ca. 1918 på eit sjukehus ved Bergen.

Ole Petter Larssen fekk skøyte på Nygarden i 1884 for 1500 kroner og kår til Ole Martinussen og Anne Oline Larsdr. i Knutgarden. Etter tradisjonen var kåret m. a. 11 våger korn, 1 kufor og 11 sauefor. Johanne Karisdr. ervde ein del etter far sin på Lade, og desse pengane kom vel med i Nygarden. I første tida budde Ole med huslyden sin i stabburet i Knulgarden. Dette stabburet hadde vore magasinhus på Dravlaus, men utyet hadde gnaga store hol i golvet. Desse hola var dekte med steinheller, fortalde Ole Andreas Olsen Hole i Eilevgarden i Straumgjerde. Seinare flytte Ole stabburet til Nygarden, tok av det ei alen i lengda og breidda og sette det opp att. Han bygde også ny stove på bruket og gjorde då noko nytte av tømmeret som hadde vore kjøkt i gamle Knutstuva. Løe bygde han også. Om vintrane dreiv han sjøen,

m.a. med Uksebås-Peder som bestmann. Han dyrka ein del jord på bruket, mest utta elva. Døden kom heller brått. Han fekk slik kløe, fortalde sonen Ole Andreas, og reiste til Ørskog-doktoren, som sa at han berre måtte prøve å pjaske seg heim att snarast råd, for det var ingen ting å gjere med sjukdomen. Nokre dagar etter andast han. Han hadde då svarte prikkar over heile kroppen.

Enkja Johanne og borna dreiv bruket nokre år til Ole sin bror tok over bruket. Det var

*Karl Larssen Hole* (f. 1871, d. 1945) g. 1905 m. Berte Ellingsdtr. Hole frå Olagarden (f. 1882, d. 1958).

Br. ca. 1912—1918.

Utv. nr. 595 og 573. Dei flytte i 1918 til Olabruket og tok over det. Sjå meir om dei under bnr. 11.

Karl løyste ut Nygarden i 1918 for 6000 kroner og kår til Johanne Karlsdtr. Han selde bruket i 1922 til

*Ole Karlsen Brunstad* frå Nakkeberget bnr. 7 (f. 1889, d. 1926) g. 1913 m. Inger Larsdtr. Fet frå Nilsgarden bnr. 1 f. 1889. Br. 1922—1947, seinare saman med sonen.

Born: Lina f. 1913 g. 1937 m. Arthur Synnes frå Vigra. Sjå Brudevoll bnr. 17. No busett på Vigra. Karstein f. 1920 g. på bruket. Olav f. 1921 g.m. Gerda Jakobsdtr. Hole frå Jogarden. Sjå også Hole bnr. 10. Lars f. 1923 g.m. Helga Solvang frå Rugsund, Nordfjord. No busett i Sverige.

Ole Karlsen hadde vore to gonger i USA før han tok over dette bruket på Hole. Utv. nr. 231. Han betalte 3.000 kroner for garden. I januar 1923 reiste han for tredje gong til USA. Han kom heim for godt i 1925, men levde berre eit års tid etter det. Han hadde fått ein sjukdom i levra, og leid svært vondt. Enkja Inger Larsdtr. heldt fram med gardsdrifta, og kava best ho kunne, etter kvart fekk ho god hjelp av borna. Dei fôra i denne tida 3—4 mjølkekyr, eit par ungdyr og nokre sauer.

For å tene litt ekstra tok ho gjerne på seg oppdrag utafor heimen. Inger Larsdtr. var ei akta matmor og kokkekone som folk gjerne ville ha når det skulle lagast til bryllaup i heimane. Ho har hatt ansvaret som kokke i mange bryllaup, og det var i den tida dei hadde både to og tre hundre gjester inn på tre heilt dagar til ende. Etter at ho slutta med gardsdrifta, var ho i mange år kokke ved Sykkylven Kvileheim.

Sonen

*Karstein Olsen Brunstad* f. 1920 g. 1947 m. Lovise Mathiasdtr. Knotten frå Hatløy.

Br. frå 1947.

Barn: Solbjørg f. 1947 g. 1971 m. Karstein Hammer.

Karstein Olsen tok over drifta av bruket ca. 1947. Etter jordskiftet på Hole som vart avslutta i 1949 vart Nygarden bnr. 2 eit av dei bruka som måtte flytte ut. Nygarden kom vestover i Øyane, og fekk att for det meste udyrka mark med unnatak av 6 mål dyrka jord av Øyebuket. Det vart difor eit tungt slit og eit økonomisk lyft for Karstein og Lovise Brunstad å bygge opp att garden. I 1959 bygde dei både ny stove og nytt lønns, og dei har dyrka ca. 25 mål jord. Då buskapen var på det største, fødte dei 5 mjølkekyr, ungdyr og nokre sauer. No har dei gått over til fôringsoksar og sauer.

Saman med bror sin Lars og verbroren Arthur Synnes byrja Karstein Brunstad med ein trevarefabrikk. Sjå Brudevoll bnr. 13. I 1954 tok han over fabrikk og dreiv han til 1973 då han selde til Einar Solvang.

Karstein Brunstad arbeider framleis i møbelindustrien og driv no garden som støttebruk.

HOLEN bnr. 3.

Plass under Knutbruket bnr. 1, utskild 1883 med skyld 2 ort 14 skl., revidert 1890 til 0,90 skyldmark.

Det er noko uklart kven som var første brukaren på Holen. Etter tradisjonen var namnet *Pe'* og kona heitte *Anne*. Dei skal ha vore på plassen til dei vart gamle. *Pe'* var flink jeger, og han gjekk mykje i skogen og fjellet. Han brukte alltid å bere på ein stein. Då han vart gamal, miste han steinen ein dag, og *Pe* laga då dette rimet som folk har teke opp att: «Steinen rulja, og han *Pe* mulja!»

Etter *Pe* kom

*Christen Martinus Pedersen Hole* frå Knutgarden (f. 1824, d. 1891) g.1. 1850 m. Synnøve Olsdtr. Lindvik frå Stryn (f. 1827, d. 1863) g.2. 1865 m. Ragnhild Olsdtr. Tvergrov frå Hjørundfjord (f. 1825, d. 1895) (Sjå Lade bnr. 6).

Br. ca. 1850—ca. 1890.

Born: Peter Olaus f. 1851 g.m. Randi Jensdtr. Indre Tandstad. Andreas f. 1854, d. 1871. Jens Rasmus f. 1858, tok over plassen. Olave Bergitte f. 1861. Utvs. nr. 592.

Etter tradisjonen fekk Christen eit stykke av Knutbøen, og han bygde både stove og løe. Førstekona Synnøve kom til Olagarden i teneste, og ho bar kista si på ryggen over Flofjellet. Ho og Christen sleit hardt første tida på Holen. Dei dyrka godt opp plassen og buskapen auka. I 1865 hadde dei 2 kyr, 6 sauer, 4 geiter, og sånaden var 1 t. bl.korn,  $\frac{3}{4}$  t. havre og 1 t. poteter. I 1875 hadde buskapen auka til 5 kyr, 1 ungdyr, 14 sauer, 8 geiter, 2 svin, og sånaden var 1 t. havre, 1 t. bl.korn, og 2 t. poteter. For å skaffe nok mat til buskapen, krafsa dei og slo både i Lia (Liavollen), i Hjulskredene og andre stader i utmarka. I 1883 løyste Christen ut plassen av Sykkylven kyrkje, og vart sjølveigar. Han hadde smie på bruket sitt, og var ein kjend smed.

#### Sonen

*Jens Christensen Hole* (f. 1858, d. 1911) g. 1885 m. Anne Oline Sivertsdtr. Hjorthol frå Jørngarden (f. 1863, d. 1938).  
Br. ca. 1890 1920.

Born: Kristian f. 1885. Utvs. nr. 580. Anna Severine f. 1887. Utvs. nr. 575. Lovise f. 1889. Utvs. nr. 578. Sivert f. 1892. Utvs. nr. 583. Hans f. 1894 g. på bruket. Petra f. 1900. Peter f. 1903. Utvs. nr. 582. Sjå Sætre, Knutgarden. Olivia f. 1905. Utvs. nr. 579. Lars f. 1908. Smed. Bustad: Tjønes bnr. 4.

Jens Christensen tok over Holen ca. 1890. Ved sida av arbeidet med plassen var han mykje på dagarbeid. Han hadde ikkje noko sterk helse, og hadde det ikkje lett økonomisk. Barneflokken auka. I 1893 måtte han låne 600 kroner av Jakob Larssen Lade i Hau-Knutgarden med pant i Holen.. I 1897 selde så Jens Christensen bruket sitt til Ole Pettersen Lade i Andersgarden for 990 kroner, men med atterhald om bruksrett. Den vestre delen av stovehuset var ikkje med i handelen. Jens døydde 15. juli 1911. Den 23. juli, ein sundag nokre dagar etter gravferda, var nokre koner frå Lade samla på Holen til eit lite lag etter sjølve gravølet. Dei sat og åt fisk då det brått vart ropt om at det var eld laus i andre enden av huset. Dei fleste karfolka på Hole var med kyrkja, og det vart få som kunne hjelpe til med sløkkinga. Huset på Holen brende ned til grunnen, og alt innbuet, «så enken nu intet eier», heiter det i ei melding frå denne tida. Anne Oline og borna flytte inn på stabburet og budde der i tida som fylgde. Ole Pettersen Lade som åtte plassen, reiste inn til Fausa og kjøpte ei gamal stove som han sette opp att på Holen. Etter tradisjonen var stova så gri-

sen og kald at det var vanskeleg å opphalde seg der ufrosen i kaldaste årstida.

Enkja Anne Oline Sivertsdtr. dreiv bruket saman med borna til sonen tok over. Det var

*Hans Jenssen Hole* (f. 1894, d. 1951) g. 1927 m. Oline Ellingsdtr. Seljeset frå Hornindal f. 1904.

Br. ca. 1920—

Born: Kjellaug f. 1928 g.m. Tron Torsteinsen Ulset frå Straumsnes. Hole bnr. 25. Jon f. 1930, lærar, g.m. Ruth Skotte frå Klokkehaug bnr. 63. Bustad Vik. Alvild f. 1933 g.m. Arthur Johansen Hansgård frå Hustad. Elling f. 1941 g.m. Ingrid Malvinsdtr. Varpe frå Bremanger. Bustad Hole bnr. 24. Ingunn Synnøve f. 1948 g.m. Kåre Hunnes frå Stangvik. Straume bnr. 53. Håvard Olav f. 1950 g. 1972 m. Irene Knutsdtr. Fjørstad.

Hans Jenssen Hole hjelppte mor si med bruket alt frå unge år. Om vintrane var han på fiskearbeid, m.a. på Heissa. Etter at han tok over bruket ca. 1920, la han ned eit stort arbeid med nydyrking, grøfting og planering. Han dyrka såleis Langemyra langs elva, fylte stein i holene, trilla mold over og skapte heile plassen om til ein velstelt liten gard. I årevis gjorde han pliktarbeid for bygselen i Andersgarden, men som løn for at han tok seg av mora, sende syskena, kanskje serleg systera Lovise, heim pengar til å løyse ut bruket for. I 1934 fekk Hans skøyte på Holen av Ole Petersen Lade for 1.400 kroner og kår til mor si. I 1938/39 reiv han ein ende av stovehuset og sette i staden opp ein ny del til huset. Dette arbeidet fullførde Oline Ellingsdtr. saman med sonen Jon i 1963 då dei reiv ned resten av gamlehuset og fullførde byggearbeidet frå 1939 med eit nytt byggesleg. Det nye huset på Holen står såleis på gamletomta. Oline Ellingsdtr. var utdana meierske, og kom som meierske til Velledalen meieri midt i 1920-åra. Hans Jenssen dreiv vegarbeid ved sida av arbeidet med bruket frå 1920-åra. Han var i lang tid arbeidsformann, og frå 1938 vart han vegoppsynsmann. I ungdomstida var han mykje med i det frilynde ungdomslagsarbeidet i Velledalen, m.a. som formann i ungdomslaget. Han var også ein svært flink amatørskodespelar.

Oline Ellingsdtr. heldt fram med gardsdrifta på Holen også i 1970-åra.

JØRNGARDEN bnr. 4.

*Ingebrigt* 15.,—ca. 1608.

*Rasmus Gregersen Hole*, br. ca. 1608—ca. 1631.

Han var med i Kalmarkrigen i 1611.

Lars, br. ca. 1631—ca. 1665.

Han skatta av 3 mællag  $1\frac{1}{2}$  mrk. i 1648, og hadde då største bruket på Hole. I 1658 betalte han kvegskatt av 1 hest, 10 kyr, 12 sauer, 8 geiter og 1 okse. Enkja etter Lars hadde bruket i 1666. Bruket var då på 3 mællag.

Etter Lars kom

*Kolbein Larssen Hole* (f. ca. 1640, d. ca. 1710).

Br. ca. 1666—1711.

Kolbein skatta i 1705 av 3 mællag  $6\frac{2}{3}$  mrk. I 1711 var det Kolbein si enkje som sat med bruket. Ho hadde då 3 born heime.

Son til Kolbein tok over bruket. Det var

*Lars Kolbeinsen Hole* (f. ca. 1674, d. 1756) g. m. Kari Sæmundsdtr. Dravlaus frå Samundgarden (f. ca. 1691, d. 1741).

Br. 1711--1745.

Bygselsetel i 1711 frå Henning Castberg på  $3\frac{1}{2}$  mællag. Lars la av eid som ny «dannemand» i 1724, og var lagrettemann i mange år. I skiftet etter Kari i 1742 vart m. a. nemnt Povel Andersen sin postil. Skiftebuet hadde 109 rdl. i brutto eige. Gjelden var 15 rdl.

Sonen

*Jørgen Larssen Hole* (f. ca. 1718, d. 1778) g.l. 1746 m. Berte Gregoriusdtr. Tjønes (f. 1721, d. etter barsel 1764). Ho var dotter til Kari Pedersdtr. Tandstad og soldat Gregorius Olsen Brunstad som seinare vart gift til Sjurgarden på Tjønes. Jørgen vart gift att 1764 med Anna Pedersdtr. Berge frå Stranda (f. 1738, d. 1813).

Br. 1745—1780.

Bygselbrev i 1745 frå løytnant Mechlenborg på Klokkehaug på 3 mællag  $7\frac{1}{2}$  mrk. Jørgen var lagrettemann. Skiftebuet etter han i 1778 hadde 92 rdl. i brutto eige. Gjelden var 61 rdl.

Enkja gifte seg att 1780 med

*Hågen Stephensen Herdal*, Stranda (f. 1743, d. 1804),

Br. 1780—1786.

Bygselsetel på 3 mællag  $6\frac{3}{4}$  mrk. i 1780 frå fru Sebastian Mechlenborg.

Son til Jørgen Larssen tok over bruket etter Hågen. Det var

*Lars Jørgensen Hole* (f. 1749, d. 1794) g. 1786 m. *Johanne Pedersdtr. Berge* frå Stranda (f. 1763, d. 1851).

Br. 1786—1795.

Lars Jørgensen fekk bygselsetel i 1780 frå fru Mechlenborg på 3 mællag 6¾ mrk. Kår til Hågen Stephensen og Anna Pedersdtr. Lars Jørgensen omkom på sjøen 16. april 1794.

Enkja *Johanne Pedersdtr.* gifte seg att 1795 med

*Peder Pedersen Fet* (frå Pålgarden ?) (f. 1764, d. 1828).

Br. 1795—1815.

Bygselsetel i 1795 frå Sebastianne Mechlenborg på 2 pd. 12¾ mrk.

Skiftebuet etter Peder i 1828 hadde 16 spd. i brutto eige. Gjelden var 8 spd.

Sonen

*Lars Karl Pedersen Hole* (f. 1795, d. 1873) g. 1815 m. *Anne Severine Jonsdtr. Drotninghaug* (f. 1795, d. 1874).

Br. 1815—1849.

Bygselsetel på 2 pd. 12 mrk. frå kyrkjeverje Ole Larssen Tjønes i 1815. Lars Karl var lagrettemann. Han var også medhjelper i kyrkja. I 1836 var det frivilleg jordskifte på Hole. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 2 pd. 12¾ mrk. endra til 3 skylddaler 13 skl. Buskapen i 1845 var 2 hestar, 12 kyr, 26 sauer og 4 geiter. Sånaden var 1 t. bygg, 3 t. bl.korn, 5 t. havre og 2 t. poteter.

Son til Lars Karl tok over bruket. Det var

*Henning Larssen Hole* (f. 1818, d. 1858) g. 1848 m. *Ingeborg Severine Berntsdtr. Dravlaus* frå Ellinggarden (f. 1827, d. 1900).

Br. 1849—1860.

Born: Anne Severine f. 1849 g.m. Ole Larssen Lade i Andersgarden. Lars Bernt f. 1852 g. på bruket. Ole f. 1857, tok over Øyebruket på Hole, bnr. 7.

Bygselsetel frå Sykkylven kyrkje si verje i 1849 til Henning Larssen for 95 spd. og kår til foreldra. Husmannsplassane Bøen bnr. 5 og Reiten bnr. 6 var ikkje med i bygselen. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Henning fiske.

Enkja *Ingeborg Berntsdtr.* gifte seg att 1860 med

*Jakob Olaus Olsen Midtgaard* (f. 1830, d. 1875).

Br. 1860—1876.

Born: Hans f. 1863 g.m. Oline Larsdtr. Brudevoll i Larsgarden.

*Gamletunet i Jørngarden på Hole. Lars Bernt Henningsen bygde stova. Mesteparten av materialen dreiv han fram frå Fausaskogane. Stova vart riven i 1970.*

*Foto: Jon Hole.(Utlånt frå Lars H.O. Hole).*



Ludvik f. 1868 g. 1. m. Guri Petersdtr. Brunstad i Klausgarden, g.2. m. Jensine Bastiansdtr. Hjorthol frå Jørngarden.

Jakob Olsen fekk byggselsetel i 1860 med kårplikt til Lars Karl Pedersen og Anne Jonsdtr. Bruket hans i 1864 hadde 33 mål dyrka åker og eng, og 105 mål naturleg england, men noko av det var helst ringt. Buskapen i Jørngarden i 1875 var 2 hestar, 1 unghest, 11 kyr, 4 ungdyr, 31 sauer, 6 geiter og 2 svin. Sånaden var  $\frac{1}{4}$  t. bygg,  $4\frac{1}{2}$  t. bl.korn,  $5\frac{1}{4}$  t. havre, 5 t. poteter, og dessutan 5 ar med rotfrukt Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Jakob fiskja. Han var med i båtlaget til Jakob Larssen Fet i Hansgarden. Den 16. mars 1875 fekk fiskarane ein storstorm over seg vest i havet, og Jakob Olsen og felagane hans bleiv ved Vallabåane. (Sjå også under Hansgarden, Fet).

Son til Henning tok over Jørngarden etter Jakob. Det var

*Lars Bernt Henningsen Hole* (f. 1852, d. 1937) g. 1876 m. Jensine Olsdtr. Brunstad frå Tøstengarden (f. 1857, d. 1943).

Br. 1876—1910.

Born: Hansine f. 1877 g. 1905 m. Peder Rasmussen Langlo, Rasmusgarden. Ole Petter f. 1880, g. på bruket. Utsv. nr. 598. Petter f. 1883 g.m. Berte Karlsdtr. Drabløs i Bøtelgarden. Utsv. nr. 600. Anne f. 1885. Utsv. nr. 593. Lars f. 1887, g.m. Olava Olsdtr. Tynes frå Åmundgarden. Tjønes bnr. 11. Utsv. nr. 596. Hans f. 1889. Utsv. nr. 594. Inga f. 1892 g. 1919 m. Petter Riksheim i Tømmesgarden. Oskar f. 1896 g.m. Anna Jensdr. Brudevoll i Jugarden. Utsv. nr. 599. Ludvik f. 1900 g. 1928 m. Signe Andersdtr. Solberg på Brudevoll. Utsv. nr. 597. Bustad Vik.

Lars Bernt tok over bruket då stykfar hans omkom på sjøen. Etter at plassane Bøen, Reitane og Øye vart skilde frå Jørnbruket i 1870-åra, hadde Jørnbruket att 2 dlr. 14 skl. i skyld, rev. 1890 til 3,68 mark.

Lars Bernt la ned eit kjempearbeid på bruket. Han bygde nytt stovehus og vølte løhuset. Mykje av materialen henta han på

Fausa. Det meste av bruket var våtlendt, og Lars Bernt grøfta ut myrane, og rudde bort skog og kratt, og skapte ulendet om til fin eng og åker. Han fekk Møre Landbruksselskap sin premi med diplom for jorddyrking og god gardsdrift, han løyste også ut bruket frå kyrkjegodset som Sykkylven kommune hadde teke over i 1879, slik at Lars Bernt sat som sjølveigar i Jørngarden. Ved sida av arbeidet med garden, dreiv han nokre år som bygningsmann. Så var han på fiske i 12 vintrar, og arbeidde deretter i 27 vintrar på tranbrenneri hjå Jakob Bang i Ålesund. Det meste av denne tida var han arbeids- og bryggjeformann. Han fostra også opp sonedotter si, Hanna Hansdtr. Brudevoll frå Larsgarden. Mo miste far sin i ung alder, og mor hennar vart sjuk.

Son til Lars Bernt tok over Jørnbruket etter han. Det var

Ole Petter Larssen Hole (f. 1880, d. 1957) g. 1906 m. Anna Sevrinsdtr. Drabløs frå Ellinggarden (f. 1878, d. 1939).

Br. 1910 -- 1951.

Anna Severinsdtr. sitt barn: Sverre f. 1901, lærar og gbr. g.m. lærarinne Mathilde Linge frå Valldal. Bustad: Ikornnes, Knutgarden.

Ole Petter og Anna sine born: Jenny f. 1907, d. 1925. Åsta t. 1909. Sydame. Lovise f. 1911 g.m. Thorvald Slyngstad, Stranda. Lars f. 1913 g. på bruket. Severin f. 1915, g.m. Jorunn Opshaug, Stranda. Deltok i fridomskrigen 1940 i Gudbrandsdalen. Helga f. 1918 g.m. Arne Bolstad, Stryn. Bustad: Brudevoll bnr. 10. Arne f. 1920 g.m. Borghild Jensdtr. Drabløs frå Slettebøen. Bustad: Brudevoll bnr. 29. Anny f. 1937 g.m. Trygve Bolstad frå Stryn. Bustad: Brudevoll bnr. 21.

Ole Fetter Larssen reiste til USA (Uts. nr. 598), men kom heim i 1905 og tok då etter kvart over arbeidet med garden. Han heldt fram med det store dyrkingsarbeidet far hans hadde teke opp. Ole Petter var også interessert i fruktdyrking og fekk diplom for epla sine på utstilling i Ålesund i 1913. I 1927 byrja han saman med næraste slekta og grannar med sylvrevgard på Hole. Ole Petter var røktar. I åra som fylgde dreiv dei godt, og dei hadde gilde dyr. Men så kom krakket i 1930-åra for denne greina av pelsdyrnæringa, og det vart slutt med revealet ca. 1940. Ole Petter var også interressert i storfeal, og saman med styksonen Sverre kjøpte dei heim nokre raukoller frå Austlandet. Det vart ein førelaupar for Lyngdalskyme (Vestlands-raukolla) som seinare kom til Velle og Velledalen.

Sonen

*Lars H. Olsen Hole* f. 1913 g. 1956 m. Inga Olsdtr. Rønning frå Urke f. 1916.

Br. frå 1951

Born: Oddvar Jostein f. 1956. Astrid Bjørg f. 1959.

Lars Olsen Hole arbeidde først ved møbelfabrikkar, såleis ved Møre Lenestolfabrikk i Ørsta 1932—1939, sidan ved ymse fabrikkar i Sykkylven. Han tok over Jørngarden i 1951, bygde nytt stovehus i 1962. Elles har han vølt på løhusa, snudd om gamal voll og vyrdsla om garden. Han har også drive fram ein god del famneved.

BØEN bnr. 5.

Plass under Jørnbruket bnr. 4, utskild 1874 med skyld 1 ort 10 skl., rev. 1890 til 0,49 mark.

*Peder Andreas Pedersen Hole* frå Jørngarden (f. 1798, d. 1881) g.1. 1829 m. Anne Gurine Olsdtr. Blindheim frå Larsgarden bnr. 6 (f. 1798, d. 1849) g.2. 1851 m. Anne Helene Olsdtr. Myklebust (Olagarden), Stranda (f. 1821, d. 1898).

Br. ca. 1829- -1874.

Som oftast brukte han namnet Andreas Pedersen, (Bø-Andreas). I 1865 var buskapen 2 kyr, 6 sauer og 2 geiter. Sånaden var  $\frac{3}{8}$  t. bl.korn, 1 t. havre og 1 t. poteter. Andreas og Anne Gurine hadde sonen Peter Olaus.

Skiftebuet etter Anne Gurine i 1851 hadde 89 spd. i brutto eige. Gjelden var 14 spd. Anna *Helene* hadde før ho gifte seg ei dotter med Peter Olsen Fremmer-Fjørstad. Plassen gjekk over til henne og mannen hennar. Det var

*Ole Karlsen Drotninghaug* frå Larsgarden (f. 1846, d. 1901) g.m. Anne *Marie* Petersdtr. Hole (f. 1845, d. 1917).

Br. 1874—1903.

Bygselsetel til Ole Karlsen i 1874, same året som plassen vart skilt frå Jørnbruket. Ole la kår til Andreas og Helene Olsdtr. Buskapen i 1875 var 5 kyr, 12 sauer, 5 geiter, 1 gris, og sånaden 1 t. bl.korn, 1½ t. havre og 1 t. poteter.

I 1887 løyste Ole Karlsen ut plassen av Sykkylven kommune, vart dermed sjøelveigar.

Ole og Marie hadde ikkje born, og enkja Marie selde plassen til

*Ole Knutsen Løddøen* frå Hornindal (f. 1872, d. 1913) g.m. Petrine Ørgjarsdtr. Sølsnes frå Veøy (f. 1868, d. 1949).

Br. 1903—1940.

Born: Andreas f. 1897 g. 1922 m. Inga Flem. Matea f. 1899, d. 1919. Knut f. 1901. Utvs. nr. 613. Anna f. 1904 g. 1931 m. Einar Schulslock, Oslo. Olaf f. 1907. Utvs. nr. 614. Harald f. 1910 g. på bruket.

Ole Knutsen kom til Sykkylven i 1903, og tok då over plassen. I 1910 fekk han skøyte på Bøen for 1.200 kroner og kår til Marie Petersdtr. Hole. Same året reiste Ole til USA (Utv. nr. 612) der han arbeidde som snikkar og bygningsmann. Men han vart sjuk, og måtte reise heim.

Enkja Petrine dreiv plassen i åra utetter saman med heimeverande born.  
Sonen

*Knut Olsen Løddøen* f. 1901 fekk skøyte på plassen i 1922 frå mor si for 800 kroner. Knut dreiv elles vegarbeid. I 1924 reiste han til Amerika. Utvs. nr. 613, og mor hans og syskena brukte Bøen vidare framover. Det vart den yngste i syskenfiokken som etter kvart tok bruket.

*Harald Olsen Løddøen* f. 1910 g. 1937 m. Hjørdis Øysteinsdtr. Rødset frå Volda f. 1914.

Br. frå 1940.

Born: Helge f. 1937. Oddrun f. 1940 g.m. Asbjørn Huldal frå Fosnavåg. Rolf f. 1943. Møbeltapetserar.

Harald Løddøen fekk auksjonsskøyte på bruket for 2000 kroner i 1951. Etter jordskiftet på Hole i 1949 vart plassen flytt ca. 1 km austover i utmarka der alt var urudt. Året etter flytte Harald husa som han bygde på og moderniserte. Han har no dyrka 15— 20 mål på den nye buplassen. I yngre år dreiv han vegarbeid ved sida av arbeidet med bruket. No har han i lang tid hatt arbeid i møbelindustrien. Harald Løddøen var i ungdomstida si ein dugande skilaupar. Han er også flink å spele hardingfele. Det er serleg slåttane etter Lade-karane i Remen og deira tradisjon Harald Løddøen har ført vidare.

REITEN bnr. 6,

Plass under Jørnbruket bnr. 4, utskild i 1875 med skyld 22 skl., rev. 1890 til 0,32 mark. I 1883 vart det frå Jobruket bnr. 8 fråskilt eit stykke som også bar namnet Reiten. Det fekk bnr. 9 med skyld 8 skl. ny skyld i 1890 vart 0,12 mark. I 1922 vart desse to jordstykk, bnr. 6 og bnr. 9, slegne saman til eitt bruk som fekk namnet Reiten bnr. 6 med skyld 0,44 mark.

*Karl Pedersen Hole* frå Jørngarden (f. 1803, d. 1893) g. 1842 m. Gjertrud Severine Nilsdtr. Midtgård (f. 1818, d. 1903).

Br. 1837—1884.

Born: Nikoline Johanne f. 1842 g. 1869 m. Johan Olsen Valgermo. Peter Andreas f. 1855 g. på bruket. Hans Karl Bastian f. 1860. Sjømann i utanriksfart. Døydd i Vardø 1907.

Karl Pedersen bygde hus på Reiten, og dyrka også ein god del jord. Han fødte 2 kyr, 4 sauer og 2 geiter i 1865, og sånaden var  $\frac{3}{8}$  t. bl.korn, 1 t. havre og 1 t. poteter. I 1875 var buskapen auka til 4 kyr, 12 sauer, 5 geiter, og sånaden var 1 t. bl.korn, 1 t. havre, 2 t. poteter og 2 ar med rotfrukt. Om vintrane dreiv Karl Pedersen fiskja. Han var i båtlaget til Aure-Jan.

Sonen

*Peter Andreas Karlsen Hole* (f. 1855, d. 1930) g. 1880 m. Oline Severine Petersdtr. Grebstad frå Bastiangarden bnr. 20 (f. 1849, d. 1930).

Br. 1884—1928.

Born: Karl Bastian f. 1881, lærar i Malangen. Anne Severine f. 1884 g.m. Johan Holmberg frå Solefteå, Sverike. Berte Lovise f. 1888. Utvs. nr. 609. Anton Edvard f. 1891. Utvs. nr. 610. Karoline f. 1895 g. m. Petter Olsen Brunstad i Øyane bnr. 6.

Peter Karlsen må ha kjøpt dette bruket og stykket under Jobruket, altså bnr. 6 og 9, av Sykkylven kommune først i 1880-åra, for han selde båe desse partane i 1884 til Karl Martinussen Erstad for 900 kroner. Unnateken frå salet var littlestova som høyrde til Karl Pedersen Hole. Peter Karlsen fekk så bygselsetel frå Karl Martinussen same året, og Peter la kår til foreldra sine. Peter sat som bygselmann i Reiten til 1923 då han fekk kjøpe att plassen frå ervingane etter Karl Martinussen Erstad for 2.100 kroner. Peter Karlsen dyrka opp resten av bruket. Han bygde ny løe, og han bygde også på stovehuset. Dei fødte 3—4 kyr og nokre sauer.

Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Peter som murar. Han

var også på jarnvegsarbeid, m.a. ved Meråkerbanen.

Etter tradisjonen var Peter Karlsen ein djerv kar. Ein gong hadde to bjørnar slege ned ein sau ute i marka. Peter gjekk og tok sauene. Det sat ein bjørn på kvar side av han. Bjørnane grein stygt og bura ille, men dei røyvde ikkje Peter. Då kom saueeigaren fram. «Takk for denne hjelpa,» sa han, tok sauene og gjekk heim.

Peter Karlsen saman med Lars Henningsen og Ole Henningsen Hole har fått æra for å vere dei første til å sette ut aure i Svartevatnet.

Peter Karlsen og kona Sevenne hadde dottera Anne Severine som var gift med Johan Holmberg frå Sollefteå. Dei budde ei tid i Ålesund, kom så til Tyssedal, og flytte deretter til Brevik. Der døydde Johan Holmberg i 1918. Enkja flytte attende til Sykkylven, men døydde alt i 1923. Dei let etter seg 4 born. Den eldste kom til besteforeldra sine på Hole, og han tok seinare over Reiten. Det var *Peder Johansen Holmberg* f. 1906 g. 1931 m. Petra Øysteinsdtr. Rødset frå Volda f. 1901.

Br. 1928—1962.

Born: Ottar f. 1932 g. på bruket. Randi f. 1934 g.m. Lennart Urban Hørlin frå Jönköping. Jon f. 1937 g.m. Reidun Larsdtr. Lade. Brudevoll bnr. 19.

Peder Holmberg fekk skøyte på bruket i 1928 frå bestefaren Peter Karlsen Hole for 2.100 kroner og kår. Peder har dyrka opp att heile bruket, teke nye og djupare veiter, og lagt ned mykje arbeid med garden. I 1928 bygde han nytt stovhus.

Ved sida av arbeidet med bruket dreiv han i lang tid anleggsarbeid, serleg i sommarhalvåret. Han var borsmed. I 1940-åra gjekk han over til bygningsarbeid som han har drive like til det siste,

Sonen har teke over bruket. Det er

*Ottar Pedersen Holmberg* f. 1932 g. 1956 m. Gunvor Linnea Margit Mårtensson frå Färlöv i Skåne, f. 1933.

Br. frå 1962.

Born: Per Gunnar f. 1957. Anita Margrethe f. 1961. Hans Olof f. 1965,

Ottar Holmberg gjekk hagebruksskule i Skåne i ungdomstida. I 1950 sette han opp drivhus på Reiten der han m.a. dyrka tomatar. Han dreiv også fram kålplanter for sal. Sjølv dyrka han også

ein heil del kål. Saman med kona si Gunvor Holmberg har han utvida gartneriverksemda. Dei har no fleire veksthus, og driv om varen sal av både sommarblomstrar og potteplanter i tillegg til det dei hadde før.

Garden tok dei over i 1962. Same året bygde dei på stovehuset. I 1970 bygde dei ny løe. Dei får no ca. 30 sauer.

Ottar Holmberg arbeider elles full dag på møbelfabrikk.

#### ØYE (Øyane) bnr. 7.

Fråskilt Jørnbruket bnr. 4 i 1880 med skyld 2 ort 15 skl., ny skyld i 1890 0,91 mark. I 1914 vart det frå Øye ført attende til Jørnbruket eit stykke med namnet Reitåkeren som fekk bnr. 13, skyld 0.04 mark. Etter dette vart det att 0,87 mark på Øye bnr. 7.

Første brukaren i Øye var

*Ole Johan Henningsen Hole* frå Jørngarden (f. 1857, d. 1944) g. 1880 m. *Johanne Gurine Petersdtr. Tu* (Brunstad) (f. 1856, d. 1938). Ho var dotter til *Peter Nilssen Brunstad* (Klausgarden bnr. 5) og *Anne Eline Johannesdtr. Tu.* (Sjå også Grebstad bnr. 24).

Br. 1880 1918, sidan halve bruket,

Born: *Hans Jakob Severin* f. 1881. Utvs. nr. 603. Sjå Drotninghaug bnr. 1. *Anne Ingeborg* f. 1884. Utvs. nr. 602. *Peter* f. 1887. Utvs. nr. 608. Tok over bruket. *Hans Johan* f. 1890. Utvs. nr. 004. *Lars* f. 1893. Utvs. nr. 605. *Oluf* f. 1897. Utvs. nr. 607. *Oline* f. 1900. Sjuk.

*Ole Johan Henningsen* må ha løyst ut plassen av Sykkylven kommune, slik at han sat som sjølveigar i Øye. Han sette opp både stovehus og løhus på bruket, grøfta og dyrka ein heil del jord, mellom anna braut han opp alt «neda elva.» Dei verste holene fylte han med stein, og trilla så på mold. Ole var kjend som ein trufast slitar. Om vintrane var han i fiskja.

Sonen

*Peter Olsen Hole* f. 1887 g. 1918 m. *Hanna Karlsdtr. Brunstad* frå Toregarden bnr. 11, f. 1899.

Br. halve garden frå 1918 i nokre år, sidan heile til ca. 1940.

Born: *Ottar* f. 1918, tok over bruket. *Solfrid* f. 1920 g. m. *Konrad Ytrehorn. Hole* bnr. 20. *Karl* f. 1922 g. m. *Ingebjørg Karlsdtr. Brudevoll.* Bnr. 15. *Johanne* f. 1924 g. 1950 m. *Per S. Veel* frå Fredrikstad. Han er direktør i Selskapet for Norges Vel, og

dei er busette i Aas. Olav f. 1927 g.m. Helga Olsdtr. Brunstad frå Jørngarden. Straume bnr. 43. Paul f. 1929 g.m. Magnhild Olavsdr. Ramstad, Hole bnr. 19. Bjørg f. 1932 g. 1955 m. Charles Halvorsen frå Fredrikstad. Bjarne f. 1935 g.m. Aud Olavsdr. Tennøy frå Fræna.

Peter Olsen Hole var berre 15 år gamal då han utvandra til USA. Utvs. nr. 608. Han var heim ein tur i 1915, men reiste på nytt til USA. I 1917 var han på nytt på veg heim til Hole. Då han reiste gjennom Seattle, kjøpte han seg registreringsrett til land i eit fraflytt indianarreservat bak fjella aust for byen, og planen var å slå seg ned som farmar så snart han kom attende frå turen til Hole. Registreringsretten kom han ikkje til å gjere seg nytte av. Han kom i giftetankar, og bruda hadde ikkje hug til å reise til USA. Dermed slo dei seg ned på farsbruket til Peter. Dei tok over halvparten, og seinare heile garden. Her har Peter og Hanna lagt ned mykje arbeid. Peter braut opp storparten av stykket «ova elva». I 1927 bygde han nytt stovhus i Øyane. Brørne Oluf og Lars var heime frå USA det året, og dei hjelpte han å bygge.

Ved sida av arbeidet med bruket la Peter ned eit livsverk som elektrikar og linjemontør. Sykkylven fekk kraftverk i 1918, men ein måtte også ha folk som kunne installere i heimane rundt om i bygda. Peter sette seg føre å lære dette arbeidet. Og i åra som fylgde, for han bygda rundt og installerte. Han arbeidde frå tidleg morgon til seine kvelden. Om vintrane måtte han ofte gå heim etter arbeidstid.

Både Petter og Hanna har hatt stor interesse for song, og dei var med i Velledalen blandakor i mange år.

#### Sonen

*Ottar Pettersen Hole* (f. 1918, d. 1974) tok over bruket ca. 1940 og sat som brukar til han døydde. Han dyrka også opp ein heil del jord, serleg «ova elva», og snudde om gamal voll. I 1950 bygde han ny løe. Han dreiv også fram mykje famneved om vintrane. Ottar Hole var dessutan mykje på vegarbeid, og han var i lang tid vegvaktar på strekninga Drotninghaug-Nysæter. Om vintrane dreiv han snøpløying med traktor både på kommunale og private vegar. Han hadde også snøbrøytinga på vegen Drotninghaug-Nysæter. Snøpløyinga om vintrane kunne ofte vere urimeleg kald, men Ottar var ein kraftkar som såg ut til å ta alle påkjenningar med ein smil. Diverre fekk han kreft, og det vart banen hans.





*Velledalingar på storfeutstilling i sept. 1952 på Dalemyra. Frå venstre: Karl P. Velle i Åmundgarden bnr. 1, Jakob T. Hole i Jogarden bnr. 8, Ole Peter Hole i Jørngarden bnr. 4, Ole J. Hjortdal i Pegarden bnr. 1, og Peter O. Hole i Øye bnr. 7.*

#### JOGARDEN bnr. 8.

*Ole Jakobsen*, br. 15.—ca. 1617.

Han greidde ut med skatten for flaumsaga på Hole i 1603 då dei skar 15 tylfter bord, og i 1610 då dei skar 30 tylfter. Av bruket sitt la han ½ mæle i tiend i 1609.

*Jakob Olsen Hole*, bnr. ca. 1617—ca. 1654.

Han skatta i 1648 av 2 mællag 2 mrk. Saman med grannen Knut i Knutgarden fekk Jakob 2 rdl. i bot i 1635 for «nogen ringe forseelse udi thiendes». Ein av dei to karane var då sjuk. Sjå bnr. 1.

*Ole Jakobsen Hole* (f. ca. 1620).

Br. ca. 1654—ca. 1695.

Han betalte kvegskatt i 1658 av 1 hest, 6 kyr 5 geiter og 8 sauer.

*Jakob Olsen Hole* (f. ca. 1656, d. 1712) g.m. Berte Pedersdr. Brudevoll frå Karsgarden (?) (f. ca. 1671, d. 1740).

Br. ca. 1695—1712.

Jakob brukte 3 mællag 7½ mrk. i 1701. Skiftebuet hans i 1712 hadde 62 rdl. i brutto eige. Gjelden var 33 rdl.

Enkja Berte Pedersdr. gifte seg att med

*Peder Jonsen*.

Han fekk bygselbrev i 1712, og sat som brukar til 1740-åra. I 1745 vart det opplyst at Peder var fattig.

Det er noko uklart kven som hadde bruket i åra som fylgde. Peder hadde to born i ekteskapet med Berte. Det var Jakob som i 1774 bygsla Pe-garden på Andestad, og seinare flytte til Knut-garden på Aure. I 1749 skaut Jakob ein ulv i Dravlausmarkene. Den andre sonen var

*Jon Pedersen Hole* (f. ca. 1713, d. 1780) g. 1741 m. Marie Larsdtr. Løset (f. ca. 1692, d. 1782). Det er mogleg at Jon som ser ut til å ha levt all sin dag på Hole, har brukt garden nokre år, kanskje saman med broren Jakob. Det er også mogleg at garden var delt ei tid.

*Jetmund Olsen Brunstad* (f. 1722, d. 1792) g.1. 1755 m. Guri Pedersdtr. Tandstad (f. ca. 1717, d. på barsel 1756, med dødt barn). Jetmund skreiv seg for Hole då han gifte seg, og det er truleg han hadde teke over dette bruket. Han han vart tidleg enkjemann, og i 1757 gifte han seg att med enkja Synnøve Ellingsdtr. Brudevoll (f. Hjortdal) og flytte til Jetmundgarden på Brudevoll.

Til Hole kom i staden

*Anders Olsen Moe* (d. 1777) g. 1758 m. Ragnhild Knutsdtr. Gjerde (d, 1773, 52 år gamal.)

Han fekk bygselsetel på halve bruket, 1 mællag  $3\frac{3}{4}$  mrk. i 1758 av fru Mechlenborg. I 1768 fekk han bygselsetel også på andre halvparten, 1 mællag  $3\frac{1}{4}$  mrk., slik at Anders no hadde bygselen på heile bruket fram til 1775. Han var lagrettemann. I utskrifta frå skiftet etter Ragnhild i 1773 vart ho kalla Ragnhild Sjursdtr., men det må helst vere feil, for i kyrkjebøkene vart det alltid skrive Ragnhild Knutsdtr. Buet hennar hadde 81 rdl. i brutto eige. Gjelden var 16 rdl. Anders Olsen gifte seg att i 1775 med enkja Else Hansdtr. Brudevoll i Larsgarden, og han flytte dit og tok over Larsbruket bnr. 3.

Til Hole kom i staden

*Jon Toresen Salkjetsvik* (f. 1744, d. 1814) g. 1775 m. Marte Eriksdtr. Heggebakk (f. 1747, d. 1814).

Br. 1775—1801.

Han hadde ein bror Paul på Heggebakk (d. 1806) og ei brordotter Berte Monsdtr. i Salkjelsvik. Han fekk bygselbrev i 1775 frå fru Mechlenborg på 2 mællag  $6\frac{1}{2}$  mrk. (Både før og seinare var skylda 2 mællag  $7\frac{1}{2}$  mrk.) I 1802 vart bruket verdseft

til 95 rdl. Jogarden har fått namn etter brukaren Jon Toresen. I 1793 vart han innsett som medhjelpar ved kyrkja.

Sonen

*Johannes Jonsen Hole* (f. 1783, d. 1845) g. 1802 m. *Margrethe Larsdtr. Brunstad* (f. 1767, d. 1847).

Br. 1801 — 1836.

Bygselsetel i 1801 på 1 pd. 19½ mrk. frå fru Mechlenborg. Kår til foreldra. Johannes gav frå seg bruket same året som det var frivilleg jordskifte på Hole.

Skiftebuet etter *Margrethe Larsdtr.* i 1847 hadde 56 spd. i brutto eige. Gjelden var 9 spd.

Jobruket gjekk no over til

*Johannes Jakobsen Fet* frå Hansgarden (f. 1804, d. 1874) g.l. 1836 m. *Johanne Marie Guttormsdtr. Tandstad* frå Johannesgarden (f. 1810, d. 1855) g.2. 1856 m. *Ingeborg Eline Klausdtr. Hole* frå Haugen bnr. 10 (f. 1821, d. 1896).

Br. 1836—1868.

Born i 1. ekteskap: *Karoline Petrine* f. 1836 g. 1854 m. *Jakob Ingebrigtsen Velle* i Knutgarden, g.2. 1876 m. *Ole Berntsen Straumsheim* (Knut-Mann-Ole). *Jens Johan* (f. 1843, d. 1887) ugift. Sjuk.

Bygselsetel frå Sykkylven kyrkje ved kyrkjevevja til *Johannes Jakobsen* i 1836. Kår til *Johannes Jonsen* og *Margrethe Larsdtr.* Ved den nye skyldsettinga i 1838 var den gamle skylda til Jo-bruket, 1 pd. 19½ mrk. endra til 2 skylddlr. 1 ort 6 skl. Buskapen i 1845 var 1 hest, 7 kyr, 14 sauer og 6 geiter. Sånaden var ½ t. bygg, 1½ t. bl.korn, 3½ t. havre og 1 t. poteter. Bruket vart i 1864 rekna til 26 mål god, dyrka åker og eng, og 70 mål naturleg england, men noko av det var dårleg.

*Johannes Jakobsen Hole* vart kalla *Hole-Johannes* i grenda. Han la av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett i 1845. Eit fjellparti i Holetindane har fått namnet «Hole-Johannes-naså».

*Johannes* og *Eline* gjekk over på kår i 1868 og verbror hans tok over Jobruket. Det var

*Jakob Gundersen Brunstad* frå Gunnagarden (f. 1841, d. 1904) g. 1867 m. *Jensine Klausdtr. Hole* frå Haugen (f. 1836, d. 1908).

Br. 1868—1898.

Born: *Jens Petter* f. 1862, g. på garden. *Guri* f. 1865 g.m. *Lars Bernt Amundsen Velle* i Larsgarden bnr. 2. *Johanne* f. 1868 g.l.

m. Severin Martinus Sivertsen Tjønes i Sjurgarden bnr. 2, g.2. m. Petter Jenssen Tandstad. Sjå Tjønes bnr. 2.

Jakob og Jensine tente i Jogarden nokre år før dei i 1868 fekk bygselbrev frå verja for Sykkylven kyrkje. I 1875 fødde Jakob 1 hest, 1 unghest, 7 kyr, 4 ungdyr, 18 sauer og 6 geiter, og dessutan kårdyra til Eline Klausdtr., 2 kyr, 2 sauer og 1 geit. Sånaden var ¼ t. bygg, 3½ t. bl.korn, 3½ t. havre 3 t. poteter, og 2 ar med rotfrukt. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda, 2 dlr. 22 skl., som var att etter at plassestykket Reitane bnr. 9 vart fråskilt i 1883, revidert til 3,81 skyldmark.

Som dei fleste brukarane i grenda dreiv Jakob fiske om vintrane.

Sonen

*Jens Petter Jakobsen Hole* (f. 1862, d. 1941) g. 1891 m. Anne Elisabeth Pettersdtr. Velle frå Jogarden (f. 1863, d. 1935).

Br. 1898—1927.

Born: Jensine (Sina) f. 1890 g.m. Johan Amundsen Hole. Sjå Haugen bnr. 10. Inga f. 1892. Utvs. nr. 577. Petra f. 1895 g.m. Andreas Øye frå Ålesund. Jakob f. 1897 g. på bruket. Cornelia f. 1900. Utvs. nr. 576. Hole bnr. 27. Lars f. 1903. Utvs. nr. 581.

I 1879 hadde Sykkylven kommune løyst ut sykkylvskyrkja og gardane kyrkja åtte, såleis også dette bruket. Då Jens Petter Jakobsen tok over bruket, løyste han det av kommunen og fekk skøyte i 1898 for 3,600 kroner. Han vart såleis sjølveigar.

Jens Petter dyrka mykje nyland, m.a. stykket som seinare vart kalla Bruaåkeren og Kjerreåkrane som låg heim til Reitebytet. Han tok også ein heil del veiter. Om vintrane dreiv han fiskja.

Sonen

*Jakob Jenssen Hole* f. 1897, g. 1920 m. Anna Jensdtr. Hjortdal frå Pegarden bnr. 1, (f. 1893, d. 1947).

Br. frå 1927.

Born: Agnes f. 1921, d. 1972. Johan f. 1922 g. på bruket. Gerda f. 1928 g.m. Olav Olsen Brunstad frå Hole bnr. 2. Sjå Hole bnr. 16.

Jakob Jenssen fekk skøyte frå far sin i 1927 for 4000 kroner og kår til foreldra. Jakob heldt fram med jorddyrkinga då faren slutta. Han rydde bort stein og skog, veita ut myrar og planerte. I 1940-åra fôra dei i Jogarden 1 hest, 5—6 kyr, eit par ungdyr, 10—12 sauer og ca. 30 geiter.

Stovehuset i Jogarden er svært gamalt. I ljoren står årstalet

1853. Etter tradisjonen vart huset det året bygt opp for tredje gong. Først var det oppsett av rundt tømmer. Så reiv dei det ned, rydde av tømmeret innvendig, og lødde det opp att. Så reiv dei det på nytt, og denne gongen rydde dei det utvendig før dei sette det opp att i 1853. Seinare har dei bordkledd det. Jakob Jenssen stelte mykje på dette huset. Han grov ut kjellar under kjøkenet, og ordna til der. Så reiv han ut grua frå storstova, kledde veggene der og i eit kammers, og vølte taket. Han vølte også løa.

Både Anna og Jakob var flinke songarar og interesserte medlemmer i Velledalen blandakor i lang tid.

Jakob Jenssen Hole har i nokre år drive bruket saman med sonen

*Johan Jakobsen Hole* f. 1922 g. 1972 m. Astrid Olsdtr. Bø frå Innfjorden f. 1934. Etter over j ordskifte av ut- og innmarka på Hole i 1949 måtte Jotunet flytte ut. Johan Jakobsen bygde nytt stovehus i 1968 og ny løe i 1973.

Både Astrid og Johan Hole arbeider i industrien.

HAUGEN bnr. 10.

*Eling*, br. 15.,—ca. 1630.

Han la 1 mæle  $\frac{1}{2}$  fjerdingspart korn i tiende i 1609. I 1611 var det Elling som greidde ut med skatten for saga på Hole. Dei hadde det året skore 40 tylfter bord. I 1627 var det enkja som hadde bruket. Ho gifte seg truleg opp at med

*Hendrik Samundsen*, br. ca. 1629—ca. 1640.

Han var mellom mange andre som i 1635 vart melde for ulovleg tiende. Hendrik fekk 2 dlr. i bot.

*Elling Ellingsen Hole*, f. ca. 1606.

Br. ca. 1640—ca. 1680.

Han skatta i 1648 av 2 mællag 2 mrk., og i 1675 av 2 mællag 6 mrk. Kvegskatt i 1658 betalte han av 1 hest, 9 kyr, 3 geiter og 6 sauer.

Ingebrigt Knutsen (f. ca. 1647, d. 1721).

Br. ca. 1680—1698.

Han kom etter kvart i økonomiske vanskar, og måtte tidleg gå frå bruket. I 1701 hadde han korkje hus eller plass. I 1706 finn ein namnet hans på eit klagebrev til amtmann Nobel over dei harde skattane som husmennene vart kravde for. Mange av dei hadde korkje hus eller husdyr. Det vesle som huslyden hadde til

livsopphald, var innkome meir som gåver frå snille menneske med medkjensle enn som frukt av eiga fortjeneste, for det var uår og lite å tene. I åra som fylgde vart Ingebrigt kalla husmann.

Bruket han hadde hatt, gjekk i 1698 over til

*Iver Rasmussen Erstad* d. 1742, 85 år gamal.

Han fekk bygselsetel på 2 mællag 6 mrk. av Henning Tygesen Castberg. Iver sat som brukar til 1717. Då fekk

*Rasmus Iversen Hole*. bygselsetel på bruket av Henning Castberg. Truleg må Rasmus ha døytt eller gitt frå seg bygselen kort tid etter, for alt i 1720 var det ein Iver Rasmussen som fekk nya opp att bygselen. Det var truleg far til Rasmus som for ei kortare tid hadde teke over Haugen att. Etter Iver kom

*Lars Iversen Hole* (f. ca. 1703, d. 1743) g. 1725 m. Ingeborg Helgesdtr. Vik (f. ca. 1703, d. 1772).

Br. ca. 1725—1745.

Ingeborg var frå Heljegarden der bryllaupet stod. Sjå om dette under Vik bnr. 1.

Enkja Ingeborg gifte seg att 1745 med

*Ole Pedersen Tandstad* (f. ca. 1713, d. 1792).

Han fekk bygselbrev 1741 på 2 mællag 7½ mrk. av løytnant Mechlenborg etter fullmakt frå prost Hiort. Ole har truleg drive fiske før han gifte seg til Hole og vart gardbrukar, for nokre månader etter at han var gift, vart han stemnd for retten av ein Job Tode fordi Ole hadde brote ein lovnad om vårfiske-ror.

Sonen

*Lars Olsen Hole* (f. 1746, d. 1831) g. 1769 m. Marte Klausdtr. Brunstad (f. 1734, d. 1825).

Br. 1768—1796.

Bygselsetel i 1768 frå fru Mechlenborg på 2 mællag 7½ mrk. Lars var lagrettemann. Buet etter han i 1831 var fallitt.

Brorson til Marte Klausdtr. tok over Haugen etter Lars. Det var

*Amund Jonsen Brunstad* (f. 1763, d. 1810) g. 1794 m. Marte Olsdtr. Olesæter (f. ca. 1755).

Br. 1796—1813.

Amund fekk bygselsetel frå Fru Mechlenborg i 1796 på 2 mællag 7½ mrk. Kår til Lars Olsen. Amund Jonsen var skulehaldar, og ein av dei som skreiv i «Annal for Skoleholdere» som lærarane i Sykkylven i 1807 laga. Det var visstnok det første skulebladet i landet. Amund skreiv stykka nr. 2, 6, 12 og 17, og han gjorde det

både greitt og klart.

Amund var også lagrettemann. Han døydd på ei reis til Borgen i juli 1810. Skiftebuet hans hadde 203 rdl. i brutto eige. Gjelden var 75 rdl. Enkja Marte Olsdtr. gifte seg att 1814 med enkjemann Klaus Olsen Lied.

Son til Amund og Marte tok over bruket. Det var

*Klaus Amundsen Hole.* (f. 1795, d. 1875) g. 1814 m. Ingeborg Johanne Jergensdtr. Hjortdal (f. 1792, d. 1876).

Br. 1813—1843.

Klaus Amundsen fekk bygselsetel på 1 pd. 19½ mrk. i 1813 frå Ole Larssen Tjønes som var verje for Sykkylven kyrkje. Klaus la av eiden til Grunnlova i 1823 og fekk stemmerett. Han var lagrettemann, og skreiv med eiga hand. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 1 pd. 19½ mrk., endra til 2 skylddalar 1 ort 6 skl.

Versonen

*Jakob Olaus Gundersen Lade* frå Hau-Knut-garden (f. 1812, d. 1902) g. 1838 m. Johanne Marie Klausdtr. Hole (f. 1815, d. 1884),

Br. 1843—1873.

Bygslesetel i 1843 frå Hans Rasmus Hanssen Strømmegjerde som var verje for Sykkylven kyrkje. Buskapen i 1845 var 1 hest, 8 kyr, 16 sauer og 6 geiter. Sånaden var ½ t. bygg, 2 t. bl.korn, 4 t. havre og 1½ t. poteter. Bruket var i 1865 rekna til 26 mål god, dyrka åker og eng, og 70 mål naturleg england, men noko av dette var dårleg.

Son til Jakob tok over bruket. Det var

*Amund Jakobsen Hole* (f. 1840, d. 1925) g. 1872 m. Marte Martinusdtr. brn 5 Fauskekam (f. 1845, d. 1925).

Br. 1873- 1910.

Born: Gunder Peter *Johan* g. 1862. Foreldre Amund Jakobsen Hole og Berte Olsdtr. Løvoll. Johan vart gift med Anne Marte Olsdtr. Strømme på Øggaplassen, (under Larsbruket på Straume).

Amund og Marte sine born: Jakob f. 1873 g.m. Anne Helene Knulsdtr. Fausa. Sjø Aure bnr. 40. Karen Olivia f. 1879. Johanne f. 1883 g.m. Andreas Jakobsen Lade. Lade bnr. 3. Johan Lauritz f. 1885). Utvs. nr. 572. Tok over bruket.

Bygselsetel frå verja for Sykkylven kyrkje til Amund Jakobsen i 1873. Både besteforeldra og foreldra til Amund fekk rett til

kår. I 1879 selde Sykkylven kyrkje dette bruke til Sykkylven kommune.

Amund Jakobsen fødde i 1875 2 unghestar, 1 okse, 5 kyr, 4 ungdyr, 21 sauer, 7 geiter og 2 svin. Dessutan fødde han 2 kår-kyr til foreldra, og 1 kårku til mormora Ingeborg Jørgensdtr. Sånaden var ½ t. bygg, 2½ t. bl.korn, 4 t. havre, 3 t. poteter, og dessutan hadde Amund 2 ar med rotfrukt.

I 1890 vart den gamle skylda på Haugen, 2 dlr. 1 ort og 6 skl., revidert til 3,91 skyldmark.

Amund Jakobsen dreiv fiskja om vintrane. Elles arbeidde han mykje som bygningsmann.

Son til Amund tok over bruket. Det var

*Johan Amundsen Hole* (f. 1885, d. 1916) g. 1911 m. *Jensine* (Sina) Jensdtr. Hole frå Jogarden (f. 1890, d. 1953).

Br. 1910—1918.

Born: Åsmund f. 1911. Utvs. nr. 590. Omkom i USA ved ei bilulykke. Margit f. 1914. Utvs. nr. 584.

Johan Amundsen reiste i 1904 til USA. Utvs. nr. 572. Han kom heim i 1909 og tok etter kvart over bruket. I 1912 løyste han ut Haugen av Sykkylven kommune for 2.400 kroner. Unnateken frå kjøpet var plassen Nakken bnr. 12. Johan sine foreldre fekk kår. Dei fekk m.a. rett til fritt burom på garden, «åtgang» til kjøken, fritt og turvande brennefang, heimkøyr og innhogge, fjøsrom med fôring, røkt og hamnegang til 2 kyr, 5 sauer, med fri mjølking av kårkyrne vinter og sommar. Vidare fri transport av mjølka frå setra om sommaren, og elles til og frå meieriet, fjøsrom til gris, og av korn 432 kg. havre, 54 kg. bygg årleg, med fri bruk av Langhaugåkeren, fri bruk av øyk. Kårgjevaren skuldar å vere venleg og hjelpsam mot kårfolka og yte dei turvande tilsyn, røkt og pass når dei vert gamle eller sjuke. Når ein av kårfolka fall bort, minka kåret til det halve.

Rimelegvis var dette eit vanleg kår på eit medels stort bruk i grenda i denne tida.

Johan Amundsen reiv ned eine enden av stovehuset på bruket, og sette i staden opp eit nytt tilbygg. I 1913 vart plassen Nakken utskild frå Haugen. Plassen fekk bnr. 12 med 0,91 mark i skyld. Skylda på Haugen bnr. 10 vart etter dette 3,00 mark.

Johan Amundsen Hole døydde i ung alder. Enkja *Jensine*, eller *Sina* som ho vart kalla, sat med Haugen eit par år, men selde bruket i 1918, og dreiv sidan syarbeid. Siste åra budde ho på



Straume. Dottera Margit Framhus kom heim frå USA og var hjå henne då ho fekk vite at mor hennar hadde vorte sjuk.

Til Haugen kom

*Nils Syversen Skylstad* frå Monsgarden (f. 1884, d. 1973) g. 1910 m. Thomasine Olsdr. Bjørke (f. 1886, d. 1973). Dei var båe frå Hjørundfjord.

Br. 1918—1952.

Bern: Berta Karoline f. 1911 g. 1934 m. Einar Berntsen Sellereite f. 1909, bonde på Skylstad. Signe Johanne f. 1914. Syerske. Anna Lovise f. 1919 sentralborddame ved Statens Sykepleierskole, Oslo. Oddmund Ingolf f. 1923 g. på bruket.

Nils Skylstad kjøpte bruket av Jensine Hole i 1918 for 7.300 kroner. I kjøpesummen var også medrekna husa, buskapen og gardsreiskapen. I tillegg til dette kom kår til «gamlefolket» på garden, Amund Jakobsen og kona Marte. I samsvar med kjøpekontrakta fekk Nils Skylstad så skøyte på bruket frå Sykkylven kommune same året.

I den tida Nils Skylstad sat med bruket, dyrka han mest kvart år eit nytt jordstykke. Han sleit i blaute og våte veiter, braut med hakke og spett i røter og stein. Den dyrka jorda auka i vidd, og avlinga vart større. I 1930 sette han opp ny driftsbygning. Thomasine og Nils fødde i desse åra 5—6 mjølkekyr, eit par ungdyr, 10 sauer og ca. 30 geiter. Dessutan hadde dei følmerr. Føla fødde dei som regel over vinteren, møtte så med dei på utstilling for å prøve å få vernepremi, og då selde dei. Nils Skylstad handla sjølv med krøter i fleire år. Han kjøpte kyr rundt om på heile Sunnmøre til han hadde ei høveleg drift. Så førde han kyrne til Geiranger, dreiv dei over Geirangerfjellet og ned Ottadalen til Otta. Derifra fylgde dei godstoget til Lillestrøm. Her selde Nils Skylstad dyra på marknad.

Dessutan reiste Nils Skylstad i mange år og kjøpte skinn for firmaet Rieber & Co. i Bergen. Han for over heile landet, var også til Tromsø og kjøpte selskinn, og til Karasjok og Kautokeino for å kjøpe reinsdyrskinn.

Nils Skylstad var i fleire bolkar medlem i Sykkylven kommunestyre, og ein periode medlem i Sykkylven skulestyre.

Sonen

*Oddmund Ingolf Nilssen Skylstad* f. 1923 g. 1956 m. Lovise Kristine Sverresdr. Alfarnes frå Eidem (Stranda-garden bnr. 3) f. 1935.

Br. frå 1952.

Born: Nils Terje f. 1957, gymnasiast. Svein Bjarte f. 1958 gymnasiast. Ove Inge f. 1960. Kai Roger f. 1960, tvilling med Ove Inge.

Oddmund Skylstad har halde fram med gardsdrifta. På bruket fôrar dei no 7 mjølkekyr, 1 kvige og 12 sauer. I 1955 reiv han ned den gamle røykstova som stod att av gamlehuset på Haugen, og sette i staden opp eit større tilbygg samstundes med at han bygde om og moderniserte den delen av huset som Johan Hole hadde sett opp. Fjøsene ominnreidde Oddmund Skylstad i 1960. Frå han vart vaksen har han elles arbeidt full dag på møbelfabrikk.

Han er medlem i Sykkylven skulestyre og i Sykkylven overlikningsnemnd.

#### OLAGAKDEN bnr. 11.

*Guttorm Hole*, br. ca. 1627—ca. 1664.

Han la som oftast ½ mæle i tiend til kyrkja, og skatta elles av eit bruk på 2½ mællag 1½ fjerdingsslag. I 1664 hadde skylda auka til 3 mællag. Buskapen han skatta av i 1658 var 1 hest, 12 kyr, 6 geiter og 12 sauer. Han hadde då største buskapen på garden,

Etter Guttorm kom

*Elling Larsen Hole*, f. ca. 1630.

Br. ca. 1604 ca. 1670.

Han har truleg vore gift med enkja etter Guttorm, eller med dotter hans, og seinare gift med ei Marit Pedersdtr., d. 1696. Elling levde ikkje lenge, og Marit gifte seg att ca. 1670 med ein

*Ole Olsen*. Br. ca. 1670—ca. 1696,

Kona hans, Marit, som hadde 4 born i første ekteskap og 2 born i siste, døydde i 1696, og buet med ei brutto eige på 65 rdl. jamvog med «indestående børnepenge og anden gjeld», slik at det vart ikkje nokon arv å dele på andre etter henne.

Yngste sonen frå siste ekteskapet tok over bruket. Der var

*Ole Olsen Hole*, også kalla Unge-Ole, (f. ca. 1670, d. 1740).

Bruket hans hadde minka til 2 mællag 7½ mkr. Han var ugift i 1701, men gifte seg truleg seinare med ei Kari Kolbeinsdtr., visstnok frå Jørngarden på Hole (f. ca. 1682, d. 1740). Ole sat med bruket til han døydde i 1740,

Enkja Kari Kolbeinsdtr. trulova seg att i 1740 med

*Ole Torsteinsen Furset* frå Øvre Kurset, Rasmusgarden (f. ca. 1712, d. 1762). Eit par månader etter trulovinga (evt. gifarmålet) døydde Kari. Men Ole vart sitjande med bruket til 1761, og det har truleg fått namn etter han. Ole gifte seg 2.g. 1741 m. Gunnhild Olsdtr. Sve frå Olmangarden (f. 1710, d. 1751) g.3. 1751 m. «Rangei Ellingsdtr. Fivelstad» (Randi Ellingsdtr. Fjørstad frå Pegarden på Fram-Fjørstad (f. 1724, d. 1803).

Bygselselel til Ole Torsteinsen i 1741 frå oberstløytnant Rømer på Klokkehaug som då hadde løyst ut kyrkjegodset. Skiftebuet etter Ole i 1762 hadde 07 rdl. i brutto eige.

Enkja Randi Ellingsdtr. gifte seg att 1763 med

*Elling Ellingsen Giskehaug* frå Knutgarden (Stranda) (f. 1734, d. 1706).

Br. 1761—1780.

Ein merkar seg at bygselsetelen frå fru Mechlenborg på Klokkehaug er skriven i 1701. Elling var lagrettemann i 1780-åra.

Son til Ole Torsteinsen og Randi Ellingsdtr. tok over Olabruket etter Elling. Det var

*Guttorm Olsen Hole* (f. 1755, d. 1810) g. 1786 m. Inger Olsdtr. Klokkehaug (f. 1762, d. 1847). Koreldra til Inger flytte seinare til Eidem, Jenshaugen, og ein finn difor at Inger brukar ettemamnet Eidem i summe høve.

Guttorm fekk bygselbrev på Olagarden i 1780 av fru Mechlenborg. Han var lagrettemann i 1790-åra. Skiftebuet etter han i 1816 hadde 216 spd. i brutto eige. Gjelden var 26 spd. Enkja Inger Olsdtr. gifte seg att i 1818 med enkjemann Peder Olsen Hjelle (f. ca. 1760, d. 1832) og flytte til «Hjellane». Då ho på nytt vart enkje, kom ho attende til Olagarden på Hole.

Sonen tok over bruket på Hole. Det var

*Elling Guttormsen Hole* (f. 1786, d. 1826) g. 1817 m. Anne Elisabeth Hansdtr. Sætre (f. 1788, d. 1868).

Br. 1816—1827.

Elling var soldat i 1811, og visstnok med i krigen. I 1822 var han lagrettemann. Han bleiv på sjøen 3. nov. 1826. Buet hans hadde ei brutto eige på 81 spd. Gjelden var 124 spd.

Enkja Anne Elisabeth gifte seg att 1827 med

*Lars Jacobsen Dravlaus* frå Karolusgarden (Bøen) (f. 1796, d. 1855).

Br. 1827—1845.

Bygselsetel på 1 pd. 19 mrk. i 1827 frå Ole Larssen Dravlaus

som var verje for Sykkylven kyrkje. Lars la av eiden til Grunnlova i 1836 og fekk stemmerett. I 1836 var han lagrettemann, og skreiv då med førd penn. Det var frivilleg jordskifte på Hole i 1836. Den gamle skylda på Olabruket, 1 pd. 19½ mrk., vart revidert ved den nye skyldsettinga i 1838 til 2 skylddaler 1 ort 6 skl.

Son til Elling Guttormsen og Anne Elisabeth tok over Olagarden etter Lars. Det var

*Guttorm Olaus Ellingsen Hole* (f. 1818, d. 1882) g. 1845 m. Hansiane Petrine Petersdr. Eidem frå Sersjantgarden (f. 1825, d. 1917).

Br. 1845—1871.

Born: Elling f. 1847, g. på bruket. Anne f. 1851 g.m. Hans Karl Olsen Brudevoll i Jetmundgarden, Lars Petter Karolus f. 1853 g.m. Inger Larsdr. Fet i Nilsgarden.

Bygselsetel til Guttorm i 1845 frå Hans Rasmus Hanssen Strømmegjerde som var verje for Sykkylven kyrkje. I 1847 la Guttorm av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett. Han sysla med handel og var skrivekunnig. Rekneskapsbøkene hans er framleis i Ola-garden. Buskapen hans i 1865 var 1 hest, 9 kyr, 16 sauer og 5 geiter. Sånaden var ¼ t. bygg, 2 t. bl.korn, 4 t. havre og 2½ t. poteter.

Eldste son til Guttorm tok over Olagarden. Det var

*Elling Guttormsen Hole* (f. 1847, d. 1909) g. 1870 m. Nikoline Petersdr. Ytre Tandstad (Lensmannsgarden) (f. 1849, d. 1928).

Br. 1371—1913.

Born: Guri Petrine (f. 1876, d. 1947). Hanna Karoline (f. 1879, d. 1932). Berte Oline f. 1882. Utvs. nr. 573. Tok over bruket. Johanne Marie Severine f. 1886, telefonstyrarinne på Stranda, g.m. Peter Emdal. Peter Olaus f. 1890. Utvs. nr. 574. Tok over bruket. Inga f. 1893 g.m. Ole Petersen Brunstad i Jørngarden.

Elling Guttormsen fekk bygselsetel i 1871 frå Sykkylven kyrkje. Kår til foreldra. I røynda brukte Elling og Guttorm garden saman i åra som fylgde. På sin halvpart fødde Guttorm i 1875 1 hest, 4 kyr, 2 ungfe, 9 sauer, 2 geiter og 1 gris. Elling åtte på sin part 1 unghest, 4 kyr, 2 ungfe, 10 sauer og 2 geiter. Sånaden i Olagarden var det året ¼ t. bygg, 3 t. bl.korn, 4 t. havre og 3 t. poteter. Ved den nye skyldseltinga i 1890 vart den gamle skylda på bruket, 2 skylddalar, 1 ort 6 skl. revidert til 3,76 skyldmark. Elling var kjend for å vere flink til både å skrive og rekne, og

etter tradisjonen var det mange som søkte hjelp hjå han når noko skulle skrivast. Sonen

*Petter Olaus Ellingsen Hole* (f. 1890, d. 1918) gjekk landbruks-skulen, men reiste i 1907 til USA. Utvs. nr. 574. I 1912 gjorde Sykkylven kommunestyre vedtak om å selje kyrkja sin eigedom på Hole i samsvar med tilboda som låg føre. Petter Olaus gjekk god for kjøpet av Olagarden for 2.800 kroner og fekk skøyta i 1918 frå Sykkylven kommune ved ordførar Ole Strømme. Petter Ellingsen brukte Olagarden frå han kom att frå USA i 1913 til han døydde i spanskesykja i 1918. I den tida han sat som brukar på Hole, la han ned mykje arbeid på garden. Han planta også ny hage, både bætre og epletre. Elles var han aktivt med i ungdomslaget, og var også formann der. Han var også interessert i skyttarlagsarbeidet.

Verbror hans tok over Olagarden. Det var

*Karl Larssen Hole* frå Knutgarden (f. 1871, d. 1945) g. i USA 1905 m. Berte Ellingsdr. Hole frå Olagarden (f. 1882, d. 1958).

Br. 1918—1945.

Born: Borghild f. 1907 g.m. Nils Andreassen Tandstad. Sjø Eidem bnr. 11. Anna f. 1909. Utvs. nr. 591, g.l. m. Bernhard Sandvik frå Erstad. Utvs. nr. 349. G.2. m. Olaf Olsen Aurdal. Utvs. nr. 32. Ester f. 1911, g.m. Alfred Amundsen Tandstad Indre bnr. 5. Lovise f. 1914 g.m. Selmer Bastiansen Aure. Aure bnr. 28. Olav f. 1917, g. på bruket. Petter f. 1921, lærar. g.m. Eldbjørg Hatteland frå Klepp, Jæren. Ho er sjukesyster. Bustad Bergen.

Karl Larssen Hole var to gonger til USA. Utvs. nr. 595. Då han var ein tur heim til Mole (1900—1902) trulova han seg med grannejenta. Ho reiste også til USA i 1904, (Utvs. nr. 573), og der gifte dei seg. Då dei kom heim, tok dei først over Nygarden på Hole (bnr. 2), men då Petter Olaus Ellingsen i Olagarden døydde i 1918, vart det til at dei tok over dette bruket. Karl fekk skøyte på bruket i 1928 for 3000 kroner og kår til Nikoline Petersdr. Han la ned eit stort arbeid på bruket, og dyrka så mykje jord at dyrkamarka var dobla i vidd då han slutta. Svære steinrøysar langs elva vitnar om kva arbeid som låg bak denne nydyrkinga. Han sette opp nytt stovehus og ny løe. Medlem i kommunestyret og i skulestyre, 1 mange år var han lærar i sundagsskulen i Brø-

voll krins saman med lærarinne Karen Muri, og var elles ein av dei trufaste misjonsvenene i Velledalen.

Sonen

*Olav Karlsen Hole* f. 1917 g. 1951 m. Margit Josefine Andreasdr. Aase frå Vik i Sogn f. 1919.

Br. frå 1945.

Born: Bente Karin f. 1952, gymnasiast Atle Jomar f. 1956.

Skøyte på bruket i 1945. Olav Karlsen hadde då arbeidt på Tynes Møbelfabrikk i 5 år, og hadde tenkt å halde fram med industriarbeid. «Men då eg tenkte på kor far min og mor mi hadde slite med Olagarden og bygt nye hus for å gjere det lettare for dei som kom etter, vart det til at eg tok over der dei slutta», skriv Olav K. Hole. Og han og kona hans har ført arbeidet vidare. Han har m.a. laga ny innreiing til fjøset, bygt 3 silokummar, kjøpt mjølkemaskin og i 1962 traktor. Han har gått over til mjølkeproduksjon, og hadde i 1960-åra ein blandingsbuskap av Vestlandsk raudkolle og NRF-fe. Mjølkeproduksjonen i 1963 var 27.000 liter. Olav Hole har også vølt og modernisert stovehuset. Etter jordskiftet i 1952 fekk bruket teigane meir samla, men det fylgde også mykje jorddyrkingsarbeid for å få det heile i god hevd.

NAKKEN bnr. 12.

Plass under Haugen bnr. 10, utskild 1913 med skyld 0,91 mark. Plassen er ein av dei eldste på Hole, men det er noko uvisst kven som var første brukaren.

*Ingebrigt Elias Helgesen Lade*. frå Hau-Knutgarden (f. 1792, d. 1861) g.l. 1828 m. Marte Jetmundsdr. Kjemphol (f. ca. 1790, d. 1856). Ho vart seinare kalla Eli, og er truleg den same Eli Jetmundsdr. som var 9 år gamal og tenestjente i Ingarden i 1801, og konf. 1805. Ingebrigt gifte seg att 1857 m. Ingeborg Petrine Pedersdr. Fet frå Pålgarden (f. 1818, d. 1887).

Ingebrigt tok truleg plassen ca. 1828, og sat som brukar til han døydde.

Enkja Ingeborg Pedersdr. gifte seg att 1862 med

*Johannes Larssen Hole* frå Jørngarden (f. 1824, d. 1869).

Br. 1852 ca. 1870.

I 1865 fødte Johannes 2 kyr, 4 sauer og 2 geiter. Sånaden var ½ t. bl.korn, ¾ t. havre og 1 t. poteter.

Etter Johannes kom

*Petter Gunder Nikolaisen Blindheim* frå Reitebakken bnr. 7 (f 1847, d. 1927) g. 1869 m. Anne Karoline Jakobsdtr. Hole frå Haugen bnr. 10 (f. 1838, d. 1922).

Br. ca. 1870—ca. 1897, sidan halve plassen nokre år.

Born: Johan f. 1872, g. på bruket. Karl f. 1875 g.m. Berte Johanne Bastiansdtr. Velle i Bastiangarden bnr. 1. Utvs. nr. 611.

Petter Nikolaisen fødde i 1875 3 kyr, 7 sauer, og 1 geit. Til dette kom kårdyra til Ingeborg Pedersdtr. med 1 ku, 2 sauer og 1 geit. Sånaden på plassen var 1 t. bl.korn, 1 t. havre og 1½ t. poteter.

Petter sette opp eit tilbygg til stova i 1900. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv han fiske og fiskearbeid om vintrane. han var også kjent for å vere flink til å fange rev og røyskatt med saks, feller og gift. Han var musikalsk, og var kjend klarinett-spelar,

I 1897 selde Petter halvparten av husa på bruket for 700 kroner til sonen

*Johan Pettersen Hole* (f. 1872, d. 1933) g. 1897 m. Petrine Marie Olsdtr. Fjørstad (f. 1874, d. 1923).

Br. ca. 1897—ca. 1935.

Born: Anna f. 1898 g.m. Peter Larssen Brunstad (Nakken) bnr. 12. Peter f. 1900 g.m. Marie J. Tusvik. Utvs. nr. 589. Aslaug f. 1902, d. 1948). Bergljot f. 1907 g. 1933 m. Haakon Olsen Kjølås. Stranda. Oddrun f. 1910 g. 1935 m. Karl Pedersen Engeset. Bustad Sløgstad, Stranda. Olav f. 1914 g.m. Nelly Hansdtr. Helstad, Kristianplassen. Utvs. nr. 586 og 587.

Johan Pettersen løyste ut plassen av Sykkylven kommune i 1912 for 800 kroner, og vart sjølveigar.

Ved sida av arbeidet med plassen dreiv Johan Pettersen som smed, og han var kjend som ein svært flink handverkar. Han lika også å eksperimentere, og arbeidde såleis saman med Jens Helgenen Drabløs med å skape ein praktisk hyppeplog for poteter og grønsaker. Då Sykkylven kommunale kraftverk kom i verksemd, var Johan Petersen mellom dei første i si grend som lærde å installere, og i åra som fylgde reiste han mykje rundt i bygda og monterte i husa for lys, kokeplater, og varmekolbar i fjøsa.

Sonen

*Olav Johansen Hole* f. 1914 g.m. Kelly Hansdtr. Helstad f. 1915.

Br. ca. 1935—1949.

Born: Jan f. 1944. Utvs. nr. 588. Laila f. 1951. Utvs. nr. 586.

Olav Johansen tok over plassen i 1930-åra og arbeidde elles i møbelindustrien. Han reiste til USA med huslyden i 1949. Utvs. nr. 586 og 587.

Systersonen til Olav løyste ut plassen. Det var

*Trygve Pettersen Brunstad* frå Nakken bnr. 12 f. 1932 g. 1958 m. Torunn Olsdtr. Muldal frå Haugset bnr. 6, f. 1934.

Born: Atle f. 1962. Endre f. 1967. Therese f. 1968.

Trygve Brunstad løyste ut plassen i 1958. Han er møbeltapet-serar, og har bygt hus på Aure, sjå bnr. 241.

#### LYNGHEIM bnr. 14.

Frå Jobruket bnr. 8 vart det i 1924 fråskylddelt eit stykke som fekk namnet Lyngheim med bnr. 14 og 0,40 mark i skyld. Eigaren Jens Petter Jakobsen Hole selde dette stykket til dotter si Jensine (Sina) Jensdtr. Hole som var enkje etter Johan Amundsen Hole på Haugen bnr. 10. Det var borna som ervde Lyngheim, Åsmund f. 1911 (Utv. nr. 590) og Margit f. 1914. (Utv. nr. 584). Etter jordskiftet på Hole i 1949 vart Lyngheim flytt vestover til Hole-øyane og bytet mot Brunstad, Åsmund døyde etter ei bilulykke. Enkja Hjørdis bur no på Ørskog. Ein stor del av Lyngheim er seld til tomter.

#### FAGERMO bnr. 16.

Eit stykke av Nygarden bnr. 2 utskilt i 1954 med skyld 0,08 mark. *Olav Olsen Brunstad* frå Nygarden bnr. 2, f. 1921 g. 1950 m. Gerda Jakobsdtr. Hole frå Jogarden bnr. 8 f. 1928.

Born: Arnfinn f. 1951. Otto f. 1953. Geir f. 1954. Grete f. 1963. Olav Olsen Brunstad har arbeidt som sjåfør frå 1945. Han bygde hus i 1957.

#### SOLBAKKENrbnr. 18.

Tomt utskild frå Knutgarden bnr. 1 i 1959 med skyld 0,01 mark. *Edvard Ingvald Larssen Hole* frå Knutgarden f. 1934 g. 1956 m. Ellinor Antonsen frå Ramfjord f. 1936.



Born: Hildegunn Rannveig f. 1958. Tove Lisbeth f. 1960. Eli Irene f. 1961.

Edvard Larssen arbeider i møbelindustrien. Bygde hus i 1961.

#### BERGHEIM bnr. 19.

Tomt utskild frå Øyane bnr. 7 i 1960 med skyld 0,01 mark.

*Paul Petersen Hole* frå Øyane bnr. 7, f. 1929 g. 1955 m. Magnhild Olsdtr. Ramstad frå Skreddargarden, f. 1935.

Born: Toril f. 1956. Marit f. 1960. Paul Magne f. 1969.

Paul Hole arbeidde sorm møbelsnikkar i 12 år. I 1951 kjøpte han traktor og dreiv jordbruksarbeid, pløying og harving, og dessutan førefallande anleggsarbeid om kveldane. I 1954 utvida han maskinparken, og dreiv no maskinstasjon for jordbruket. saman med broren Olav Hole (Straume bnr. 43) har Paul seinare bygt stasjonen ut til også å gjelde transport- og entreprenørverksemd under firmanamnet O. & P. Hole.

#### MYRVANG bnr. 20.

*Konrad Ytrehorn* frå Hornindal f. 1924 g. 1956 m. Solfrid Johanne Petersdtr. Hole frå Øye bnr. 7, f. 1920, bygde hus på denne tomte i 1956. Dei arbeider begge i møbelindustrien.

#### HOLTEIGEN bnr. 24.

Tomt utskild frå Holen bnr. 3.

*Elling Iver Hanssen Hole* frå Holen bnr. 3, f. 1941 g. 1965 m. Ingrid Anna Malvinsdtr. Varpe frå Bremanger f. 1939. Dei bygde hus i 1966. Elling Hole arbeider på fabrikk. Han er lagerformann. Medlem i Sykkylven kommunestyre.

Born: Roger Malvin f. jan. 1966. Line f. nov. 1966.

#### ULSET bnr. 25.

Tomt utskild frå Holen bnr. 3.

*Tron Ingvald Torsteinsen Ulset* frå Straumsnes f. 1926 g. 1959 m. Kjellaug Petrine Hansdtr. Hole frå Holen bnr. 3, f. 1928. Dei arbeider begge i møbelindustrien. Bygde hus i 1968.

Born: Torstein Helge f. 1960. Hanne Oline f. 1962.

KLAUSHAGEN bnr. 26.

Tomt utskild frå Haugen bnr. 10.

*Signe Johanne Nilsdtr. Skylstad* frå Haugen bnr. 10, f. 1914, syerske, bygde hus i 1971.

NYTUN bnr. 27.

Tomt utskild frå Lyngheim bnr. 14.

*Cornelia Jensdtr. Hole* frå Jogarden bnr. 8, f. 1900, sette opp hus på Nytun i 1972. I yngre år var ho i teneste på ymse stader både på landsbygda og i byen, og sleit hardt i lange arbeidsdagar for den vesle tenartøna. I 1950 utvandra ho til USA der ho vart i 19 år. Utvs. nr. 576.

FLATVAL bnr. 28.

Tomt utskild frå Lyngheim bnr. 14. *Hjørdis Hole*, Ørskog, enkje etter *Asmund Johansen Hole* frå Haugen (Utv. nr. 590) selde denne tomta ca. 1972 til

*Bjarne Petersen Hole* frå Øyane bnr. 7, f. 1935 g. 1967 m. Aud Olavsdr. Tennoy frå Fræna, f. 1934.

Born: Hans Petter f. 1919. Bjarte f. 1973.

Bjarne Hole er sjåfør, og er no tilsett i kommunen. Han bygde hus i 1972,

ELVEBAKKEN bnr. 29.

Tomt utskild frå Lyngheim bnr. 14.

*Svein Johannessen Linga* frå Øystese f. 1944, maskinkøyrar, g. 1968 m. *Arnhild Pedersdr. Tronstad* frå Sunnylvn, f. 1948. Dei bygde hus i 1973.

Born: Jostein f. 1970. Inger Hanne f. 1971. Per Steinar f. 1974.

Tomt utskild frå Bøen bnr. 5 i 1974.

*Rolf Haraldsen Lødøen* frå Hole bnr. 5, f. 1943 g. 1973 m. *Målfrid Petersdr. Bjørlykke* frå Grebstad bnr. 42, f. 1950. Han arbeider i møbelindustrien. Bygde hus i 1974.

Barn: Nina f. 1973.

## Brunstad, gnr. 32. [\(Til innhald\)](#)

### MATRIKKELGARDEN.

I eldre tid skatta Brunstad som heil gard. I 1626 var skylda 8½våg ½ pd. 6 mrk. fiskeleige, og slik heldt ho seg uendra fram til 1666 då garden vart førd opp med smørskyld 4½ laup 18 mrk. som svarar til 9½ våg fiskeleige. Prøvematrikkelen i 1724 sette skylda vidare opp til 9 våger 2 pd. fiskeleige, men denne matrikkelen vart ikkje gjort gjeldande, og skylda vart ståande med ½ våg fiskeleige. I 1734 vart dei 9 brukarane på Brunstad saman med fleire andre gardbrukarar som stod oppførde i matrikkelen med smørskyld, men hadde betalt landskylda si i fisk, innkalla til eit ekstrating på Langlo for å finne fram til klårleik i skylddeininga. (Sjå også t.d. under Andestad). Brunstadkarane sa at dei heile tida hadde betalt landskylda si i fisk, 9 våger 2 mællag (9½ våg). Slik vart også avgjerda for framtida. Skylda 9½ våg stod ved lag til det kom ny skyld i 1838: 21 skyldmark 4 ort 20 skilling. Denne skylda vart revidert i 1890 til 35,81 skyldmark.

Leidangen var først på 1600-talet 3 geitskinn og 6 kalvskinn, og steig i 1666 til 4 geitskinn 4 kalvskinn. I 1705 var leidangen 1 rdl. 1 ort og 8 skl., og j 1717 2 rdl. 2 mark 8 skl.

Tienda av Brunstad var i 1666 10½ t. havre, 1½ t. bygg, 1 våg ½ pd ost. I 1717 hadde tienda auka til 12 t. havre, 2 t. bygg og 2 våger ost eller 2 rdl. 1 mrk. 8 skl.

### EIGARAR.

I fylgje Aslak Bolts jordebok frå 1440-åra åtte Erkebispestolen i Nidaros 4 månadsmatabol av Brunstad. Olav Engelbrektson si jordebok frå ca. 1530 fortel at Brunstad høyrde til St. Olavs jord og var bortbygsla for 1 hud. Ved reformasjonen i 1536 kom dette domkyrkjagodset i kongens eige, og vi finn det att under

«Kronen og Stigtens landskyld». Kongen pantsette i 1630-åra mykje av dette jordegodset til nokre rikfolk i Bergen, og han løyste det ikkje inn att. Av Brunstad pantsette kongen 2½ våg ½ pd. som ein av kreditorane Rasmus Larsen Stud som var borgarmeister i Bergen, tok over.

At det var berre 2½ våg ½ pd. kongen pantsette tyder på at domkyrkja og erkebisen har ått berre ein part av Brunstad. I 1600-åra åtte adelsætta Rosenkrantz ein like stor part. Om Rosenkrantzane hadde kjøpt denne gardparten eller om det var arvegods etter Losnaætta, er uvisst. (Sjå under Grebstad). Sogegranskaren N. Stene meiner det er arv.

Frå gamalt åtte også Sykkylven kyrkje ein liten part i Brunstad. Parten var på berre 1 mællag. Resten av garden var midt i 1500-åra komen i hendene på ein Trond Benkjastokk som var lensherre over Sunnmøre 1541—1558. I skiftet i 1570 etter enkja hans, Anne Benkjastokk, ervde versionen Erik Hanssen som hadde vorte adla og fått tilnamnet Schønnebøll, mange gardar, og mellom dei parten av Brunstad som verfaren hadde ått. Erik Schønnebøll var ei tid fut på Nordmøre, seinare i Finnmark. Han hadde ikkje born. Brorborna ervde han, men det er mogleg at Brunstad-parten kom på sal. I så fall må det truleg vere av denne Schønnebøllparten bygslarar på Brunstad og andre bønder i Sykkylven har kjøpt dei mællaga dei åtte i denne garden. I 1603 var det nemnt ei Berte Brunstad som åtte 4 mællag, og Peder Olsen Brunstad åtte også 4 mællag. Kanskje var det av dette jordegodset lensmann Peder Olsen Aurdal kjøpte, for fleire av etterkomarane hans åtte jordegods på Brunstad. Såleis står Sæmund Aurdal som eigar av ½ våg 27 mrk., og Christen Aurdal som eigar av like stor part i 1684. Bygslaren Hans Brunstad i Toregarden åtte dessutan i 1684 i pd. 7½ mrk. som også kan vere frå same gardparten. Sjå Jakobbruket. Aurdalspartane gjekk over til borna åt eigarane, Peder Sæmundsen og Hans Christensen. Sistnemnde flytte i 1710 til Barstad. Peder Sæmundsen sin part ervde sonen Ole Pedersen Aurdal. Hans Brunstad sin del av Jakobbruket vart seld til Hans Møller.

Den delen av Brunstad som Rosenkrantzfamilien hadde ått, løyste Peder Hansen Smith ut i 1670-åra. Frå han gjekk parten i arv til sonen Mag. Pedersen som i 1684 stod som eigar av 2½ våg 1 pd. i Brunstad. Ved arv og sal gjekk parten vidare til farbroren Henning Hansen Smith g.m. Margrethe Rasmusdtr. f. Stud.

Ho hadde frå før løyst ut den delen av Brunstad som far hennar kjøpte i 1630—åra. Frå Henning og Margrethe Smith gjekk eigedomen i arv til borna. Dottera Margrethe Thode Fine åtte i 1699 3 våger som ho i 1721 skøyte over til syster si Henningia Henningsdtr. Smith. Broren, rådmann Christen Henningsen Smith i Bergen, åtte i 1699 2 pd. 6 mrk., og verbroren Johan Frimann g.m. Elsebeth Henningsdtr. åtte 3 våger. Seinare løyst han visstnok ut meir,

Fram gjennom 1700-åra gjekk denne Smith-eigedomen etter kvart over på nye hender. Paul Olsen Abelset kjøpte alt i 1721 av Otto Henningsen Smith 3 mællag 3 mrk. med bygselrett til 9 mællag 7 mrk. Enkja etter Paul. Elisabeth Marie f. Brandal, gifte seg opp att med Knut Jørgensen Høeg frå Vegsund. Han kjøpte i 1745 3 våger som Frimannfamilien hadde ått. Bror til Paul, Christopher Olsen Abelset, fekk i 1749 skøyte på 2 mællag 6 mrk. utan bygsel av Peer Larssen Brudevoll i Jetmundgarden. Det var arvegods etter Ole Pedersen Aurdal. Dessutan kjøpte Christopher Olsen 21 mrk. av Lars Eriksen Svartebekk som også hadde ervt ein part i Brunstad.

Frå 1750-åra var det såleis Abelset-familien som åtte tyngda av garden. Men familien var stor, og det var mange om arven. Jens Abelset var den første som selde arvepart, 3 mællag. Det var alt i 1725, og kjøpar var Hans Møller som tidlegare hadde løyst ut Hans Brunstad sin lut i Jakobgarden. I 1772 selde Mads Paulsen Abelset 3 våger 1 mællag 2 mrk. av Brunstad til presten på Stranda, Ebbe Carsten Tønder, for ca. 300 rdl. Nokre år etter kom handelsborger Johan Hermann Høirup på Stordalsholmen, verson til Christopher Olsen Abelset i store økonomiske vanskar, og i 1776 fekk presten Tønder auksjonsskøyte på 2 våger 14 mrk. i Brunstad for 130 rdl. Same dagen fekk Anders Davidsen Blakstadnes auksjonsskøyte på 2 mællag 8 mrk. for 39 rdl. I 1780 selde Johan Høirup Sølmgarden og Jørngarden til Lars Nilssen Aurdal for 98 rdl. Sjå meir om eigarar under dei einskilde bruka.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

1626: Då var der 7 mann. Sånad 26 t. korn.

1666: 9 mann. Sånad 32 t. Avlar 120 t. Kan fø 118 naut og 9 hestar.  
Brennefang.

1717: 10 mann. Sår 29 t. havre, 4½ t. bygg. Avlar 120 t. havre og 20 t. bygg. Fôrar 100 naut og 9 hestar. Brennefang. 6 små bekkekværnar.

1724: 10 mann. Sår 32 t. havre og 4 t. bygg. Avlar 130 t. havre og 20 t. bygg. Ei seter. Nok skog. Tungvunnen til høy. 5 kværnar.

1791: 10 mann. 6 kværnar.

1802: 10 mann. Garden har skog til brennefang, og god seterdal til husdyra. Kornavlinga er ikkje heilt fri for grønår.

1864: Hamnegangen er framifrå på alle måtar. Gardbrukarane har skog til brennefang, og av skogprodukt som kan seljast, er det mykje bjerk, noko bork og never. Elles har garden lauvskog til forsurrogat. Vegen til sjøen er «ubekvemt,

1875: Buskap: 9 hestar, 9 unghestar, 79 kyr, 33 ungdyr, 1 okse, 156 sauer, 88 geiter og 8 svin. Sånad: 33½ t. bl.korn, 41¾ t. havre, 43 t. poteter og 2,6 dekar poteter.

#### BRUKARAR.

##### TØSTENGARDEN bnr. 1.

*Enkja* sat med bruket i 1603. Ho har truleg gift seg att med

*Peder Jørgensen* (også skriven Joensen). Han brukte 4 mællag ca. 1605—ca. 1626.

*Lars Pedersen Brunstad* var 70 år i 1666.

Br. ca. 1626—ca. 1670.

Han skatta av 4 mællag 1 fjerdingsslag. Grannen Lars Paulsen i Toregarden og Lars Pedersen fekk ei bot på 1 rdl. kvar for ulovleg tiende i 1635. Båe var utarma menn. Dei hadde då «kornstall» saman. I 1650 hadde nokre karar frå Brunstad nekta å skyss soknepresten Christen Hegelund tilbake til Ørskog ein sundag han hadde halde gudsteneste i Sykkylven kyrkje. Presten melde dei, og Lars Pedersen var mellom dei som fekk 1 mark sylv i mulkt. Mulкта skulle betalast innan 6 veker. Mannen som åtte garden, Herming Hanssen Smith på Giske, melde Lars Pedersen i 1653 for ein gjeld på 3½ pd. rå fisk, og Lars vart dømd til å betale innan ein halv månadsdag. I 1658 var Lars Pedersen mellom er-

vingane etter lensmannen i Dale, Knut Pedersen Langlo, og i eit skifte som vart halde på Nysæter, fekk Lars Pedersen utlagt ½ fjerdingsslag jord.

Det er likt til at son til Peder Pedersen i Gunnagarden tok over dette bruket som seinare fekk namnet Tøstengarden. Det var

*Peder Pedersen Brunstad* (f. ca. 1636, d. 1712) g. m. Synneve Arnesdtr. (d. 1697), gift att med Sylveig Klausdtr. Helsem frå Sersjantgarden (f. ca. 1654, d. 1715).

Br. ca. 1670—1712.

Han skatta i første tida av 4 mællag ½ mrk., seinare av 4 mællag 14 mrk. Peder Pedersen var lagrettemann. Skiftebuet etter Synnøve Arnesdtr. i 1697 hadde 40 rdl, i brutto eige. Gjelden var 30 rdl. Enkja Sylveig Klausdtr. gifte seg att med

*Torsten Pedersen* (f. ca. 1671, d. 1767).

Han tok over bruket og hadde det til 1747. Skiftebuet etter Sylveig i 1715 hadde 75 rdl. i brutto eige. Gjelden var 18 rdl. Torsten gifte seg att med Marte Ellingsdtr. (f. ca. 1687, d. 1758). Han var lagrettemann. I 1718 var han ein av dei 12 utvalde mennene som skulle stå føre dagskattlikninga i skipreiet.

Sonen

*Peder Torstensen Brunstad* (f. ca. 1712, d. 1794) g. 1748 m. Ingeborg Styrkersdtr. Fjørstad (Heimre) frå Ivagarden (f. 1708, d. 1775).

Br. 1747—1775.

Bygselsetel i 1747 frå Christopher Abelset for Mats Abelset på 1 våg 14 mrk. I skiftet etter Ingeborg i 1775 synte buet ei brutto eige på 78 rdl. Gjelden var 39 rdl

Sonen

*Styrker Pedersen Brunstad* (f. 1752, d. 1830) g. 1775 m. Siri Salmundsdr. Dravlaus frå Samundgarden (f. 1748, d. 1817).

Br. 1775—1798.

Bygselsetel i 1775 frå presten Ebbe Tønder på 1 våg 7 mrk. Han og Siri gjekk over på kår i 1798 og dei let garden over til sonen

*Torstein Styrkersen Brunstad* (f. 1780, d. 1854) g.1. 1799 m. Olave Marie Hansdtr. Straumsheim (f. 1775, d. 1830) g.2 1839 m. enkje Berte Olsdtr. Blindheim i Hau-Ola-garden (f. Indre Tandstad 1799, d. 1871).

Br. 1798—1822.

Bygselbrev i 1798 frå prostinne Tønder. Torsten var lagrette-

mann, og var skrivekunnig. I 1815 var han mellom dei ålmugen valde til å skrive under på planen om kornmagasin for Sykkylven. Torsten Styrkersen dreiv handel med landmannsvarer. Han åtte også noko jordegods, m.a. Ellinggarden på Straumsheim. I Tostengarden som han sjølv brukte, fødde han i 1802 1 hest, 8 storfe og 20 småfe. Sånaden var 4 t. havre og 1 t. blandkorn. Bruket vart verdsett til 175 rdl.

Skiftebuet etter Marie Hansdtr. som døydde som kårkone i 1830, hadde 354 spd. i brutto eige. Gjelden var 22 spd.

Sonen

*Peter Elias Torstensen Brunstad* (f. 1799, d. 1858) g. 1827 m. Pernille Jakobsdtr. Dravlaus frå Ellinggarden (f. 1802, d. 1875). Ho kom frå Hjørundfjord i 1828. Truleg hadde ho vakse opp der etterat far hennar hadde flytt til Øye.

Br. 1822—1861.

Petter Elias fekk først bygselbrev på bruket i 1822 frå enkja etter prosten Ebbe Carsten Tønder. Kår. Gjennom giftarmål vart presten Hans Rasmus Astrup eigar av denne garden. Sonen, kaptein Ebbe Carsten Astrup fekk garden i gåve i 1835, men han kom snart i gjeld, og i 1848 selde han Tøstengarden til bygslaren, Peter Torstensen Brunstad, for 360 spd. Peter vart med det sjølveigar. Han åtte dessutan eit bruk på Erstad (Bnr. 3). Medan Peter sat med Tøstengarden, var det jordskifte av bømark, seterstøl og skog på Brunstad. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket: 1 våg 7 mrk., revidert til 2 skylddalar 2 ort 17 skl. I 1845 fødde Peter 1 hest, 8 kyr, 14 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var 4 t. bl.korn, 5 t. havre og 5 t. poteter.

Etter Peter Elias kom versonen

*Ole Larssen Fet* frå Hansgarden (f. 1836, d. 1910) g. 1855 m. Anne Marte Petersdtr. Brunstad (f. 1834, d. 1901).

Br. 1861—ca. 1895.

Born; Jensine f. 1857 g.m. Lars Bernt Hennningsen Hole. Peter *Ludvik* f. 1861, bleiv på havet 26/2 1881. Olave f. 1866 g.m. Kristian Kristensen Vik i Sjursgarden. Ole Severin f. 1873, tok over bruket.

Ole Larssen fekk skøyte på garden i 1861. Han fødde i 1875 1 hest, 1 unghest, 9 kyr, 3 unge, 20 sauer, 9 geiter og 1 gris. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4 t. havre, 6 t. poteter, og dei hadde dessutan 3 ar med rotfrukt. Tøstenbruket var ved denne tid rekna til



35 mål dyrka åker og eng, og 80 mål naturleg england. Noko av det var mindre godt. Ved skyldsettinga i 1890 vart skylda, 2 dlr. 2 ort 17 skl. revidert til 4,56 skyldmark.

Ole Larssen må ha vore velståande. Han åtte fleire gardar, m.a. Jakobgarden og Sølmongarden på Brunstad.

Versonen

*Kristian Kristensen Vik* frå Lånagarden (f. 1865, d. 1953) g. 1885 m. Olava Olsdtr. Brunstad (f. 1866, d. 1941) brukte Tøstengarden saman med Ole Larssen i kort tid (ca. 1885—1886) før dei tok over Sjursgarden på Vik og flytte dit. Seinare brukte Ole Larssen garden aleine til sonen tok over. Det var

*Ole Severin Olsen Brunstad* (f. 1873, d. 1901) g.m. Berte Oline Jensdtr. Tjønes frå Larsgarden (f. 1871, d. 1940).

Br. ca. 1896—1922.

Born: Olaf f. 1894, tok over bruket. Utvs. nr. 249. Anna f. 1896 g.m. C. C. Brunstad frå Monsgarden. Sjø Brunstad bnr. 21. Lovise f. 1898 g.m. Petter O. Sætre på Riksheim. Jenny f. 1900, d. 1910. Olga f. 1901. Utvs. nr. 242.

Ole Olsen Brunstad gjekk amtskulen i Volda i ungdomstida. I 1889 gjekk han landbruksskulen. Same året som han tok over Tøstenbruket (1896), vart det avslutta jordskifte over innmarka på Brunstad. Ole fekk sitt bruk i eitt heimestykke og 5 andre stykke, og han måtte flytte husa frå gamletunet. «Gamle-mannen» på bruket, Ole Larssen, ville at sonen skulle flytte husa til eit stykke vest for elva. Men denne tanken møtte sterk motstand frå spinnesida i heimen, og Ole Olsen flytte difor husa berre eit par steinkast til nye tufter på heimestykket. Her bygde han opp att både stove, løe og stabbur same året. Den dagen dei gjorde dugnad for å tekkje stovetaket, fekk karane brått lag på ein bjørn som for over Daurmålshola. Alarmen gjekk, og karane sprang mann av huse for å jage bjørn. Han tok vegen inn Brunstaddalen og ned Habostaddalen. Der såg karane snerten av han då dei kom inn på Brekka. Men då kjende dei seg uredde for udyret på Brunstad, og vende heim. Det var siste gongen dei jaga bjørn på Brunstad.

Ole tok tidleg fatt på arbeidet med jorda. Han dyrka ein god del, m. a. braut han opp ein åker nede under Bakkane på ca. 514 mål. Det største livsverket hans var likevel arbeidet han la ned for skogplantinga på Brunstad. Kort tid etter at han kom frå landbruksskulen, tok han opp arbeidet med å få til plantefelt på

garden. Sjå meir om dette under innleiinga til Brunstad gnr. 32.

Ole Olsen var svært storvaksen. Etter tradisjonen stod han fløyemann under eksisen. Ole var størst av soldatane, og han målte 1,96 m. i høgd. Han vart brått sjuk. Doktoren meinte det var tarmslyng. Det var ingen som kunne gjere noko for det her på Sunnmøre i den tida. Ole døydde berre 29 år gamal.

Enkja Berte Oline og verfaren Ole Larssen heldt fram med gardsdrifta. seinare vart Berte Oline åleine, men fekk etter kvart hjelp frå borna. Ho fekk skøyte på bruket frå verfaren Ole Larssen i 1910 for 3.600 kroner. Då fylgde det også med både husa, kvernfall, kvernhus og halvparten i naustomt og naust på allmenningen på Straume. Berte Oline Jensdtr. var mellom dei som skipa Velledalen Bondekvinnelag, og ho var også i fleire år formann i laget.

Sonen

*Olaf Olsen Brunstad* (f. 1894, d. 1968) g. 1921 m. Anna Ludvigsdtr. Brunstad frå Klausgarden (f. 1898).

Br. 1921—1960, sidan saman med sonen nokre år.

Born: Odd f. 1923 g. på bruket. Gunnar f. 1925, kalls Cappellan p.t. i Hun, Vardal, g. 1954 m. Magda Massdtr. Kvalsvik frå Hareid. Ludvik f. 1929, g. 1953 m. Kirstin Gerhardsdtr. Kjølås frå Stranda. Bjørg f. 1939, lærar, g. 1963 m. Arne Juel Johansen frå Fredrikstad.

Olaf Brunstad gjekk ungdomsskulen før han i 1913 reiste til USA (Utv. nr. 240). Han kom heim i 1920, og tok over bruket året etter. Skøyte frå mora i 1922 på Tøstenbruket med hus, kvernfall, kvernhus og halvparten i naustomt og naust på allmenningen på Straume for 8000 kroner og kår. Saman med kona si la Olaf ned eit kjempearbeid på bruket. Han braut opp 25—30 mål nyland som han også veita ut. Han tok ca. 300 meter med veite som han steinsette eller mura. Dessutan bygde han køyrebru til løa som han og vølte. Olaf og Anna var svært interesserte i storfe, og Olaf var ein av dei første på Brunstad som gjekk inn for å kjøpe inn dyr av Sør- og Vestlandsfeet i slutten av 1930-åra, og NRF-fe i slutten av 1950-åra. Olaf Brunstad var også i mange år forvert for lagsuksane til Velledalen Fealslag. Han hadde følmerr, og hadde mange unghestar på utstilling. Olaf føra fram to fire-års hingstar som han møtte på utstilling med. I hans brukstid var det skifte både av utmarka på Brunstad (1923), og av heimemarka 1957 då Olav sa seg villeg til å flytte

tunet vest om elva dersom bruket kunne bli lagt ut i eitt stykke. Og slik gjekk dei. Ved sida av arbeidet med bruket og husdyra hadde Olaf mange andre interesser. Han var med i kommunestyret, og han var ein aktiv medlem i indremisjonslaget, såleis lenge formann.

Sonen

*Odd Olavsens Brunstad* f. 1923 g. 1960 m. Bjørg Jakobsdtr. Hove frå Stordal f. 1929. Brukar saman med foreldra frå 1960, sidan heile bruket frå 1966.

Born: Oddbjørn f. 1961. Jan Kåre f. 1963. Anders, f. 1966.

Odd Brunstad gjekk jordbruksskulen før han tok over bruket. Då det vart avgjort i 1950-åra at Tøstenbruket skulle flytte vest om elva, byrja dei å førebu dette arbeidet. Det nye tunet kom til å ligge i tettaste planteskogen frå 1890-åra. Odd og Olaf Brunstad bygde først ei sag like ved det nye tunet, og då jordskiftet vart sett i verk, byrja det store arbeider med å rydde eit nytt bruk or utmarka og bygge nye hus. I 1960 bygde dei stove. Buskapen var i gamleløa til 1966 då dei også bygde løe. Mykje av denne tida var det Olaf som hadde fjøsarbeidet, slik at Odd fekk ta seg av skogarbeidet, saginga og bygginga. Materialen til både stova og løa tok dei frå eigen planteskog. I åra som har gått har Odd drive fram mykje skog også for sal. Etter kvart som han har rydda bort skogen, har han brote opp og planert jorda. Det var 27 dekar dyrka jord som hørde bruket til ovafor plantefeltet då dei kom til nye tufter. I 1974 hadde dei auka den dyrka jord vidda til 74 dekar, og dessutan rydda 35 mål kulturbeite. På bruket fôrar dei no 13 mjølkekyr og 12—13 ungdyr. Til det meste av ryddinga og jordplaneringa har Odd Brunstad nytta moderne jordbruksmaskinar. Arbeidet har kravt store investeringar av kapital til både maskinar og reiskap. Odd Brunstad sjølv seier at det er *skogen* som har finansiert arbeidet med det nye bruket.

Ved sida av det store arbeidet med bruket, har Odd Brunstad hatt tid til å dyrke også andre interesser. Han har vore medlem i kommunestyret og i soknerådet, han er med i styret for Møre og Romsdal Skogselskap, formann i skogrådet og formann i skogreisingsnemnda i kommunen. Han er p.t. formann i indremisjonslaget i Velledalen, og har vore lærar i sundagsskulen i mange år.

BØEN bnr. 2.

*Sjur Olsen*, br. 15.—ca. 1648, la bygselavgift i 1606 av 2½ pd. fiskeleige, og av 5 mællag i 1618. I 1615 hadde ein husmann på Velle, Lars Paulsen, fått tak i bygselen til Sjur Olsen sitt bruk, men dette vart kjent ulovleg, og Lars fekk 4 dlr. i bot. Lars Paulsen flytte til bruket som seinare fekk namnet Toregarden. Sjur kom for retten i 1625 saman med grannen Ole Ingebrigtsen i Jakobgarden. Ole fekk ½ dlr. i bot fordi han hadde slege til Sjur, som måtte betale 1 rdl. fordi han hadde slege til Ole.

Etter Sjur kom

*Iver Paulsen*, f. ca. 1604, br. ca. 1648—1675.

Bruket hadde no minka til 3 mællag, seinare 3 mællag 4 mrk. I 1658 svara Iver kvegskatt av 4 kyr, 2 geiter og 4 sauer.

*Ole Mogensen*, d. 1693 g.m. Anne Pedersdtr.

Br. ca. 1675—1693.

Skiftebuet etter Ole i 1693 hadde 48 rdl. i eige. Han hadde ingen gjeld. Av eignaluter var nemnde 1 messingskei verdsett til 8 skl., 1 smørkanne 4 ort 8 skl., 1 ny seng med «haudyne», 2 rdl., og 1 Brochmans Huspostil 1 rdl. Anne Pedersdtr. gav sin arvepart til dei to døtrene sine, men tok atterhald om å ha til livs opphald hjå den som gifte seg med dottera og tok bruket.

Det vart

*Knut Hanssen Brunstad*, frå Toregarden, (f. ca. 1656, d. ca. 1703) g.m. Borni Olsdtr. Brunstad d. 1707.

Br. ca. 1693—ca. 1703.

Han skatta av 3 mællag 5 mrk.

Enkja Borni gifte seg att med

*Mons Jonsen Dravlaus* frå Toregarden, d. 1706.

Br. ca. 1703—1706.

Skiftebuet etter Mons i 1706 synte ei brutto eige på 64 rdl. Gjelden var 43 rdl. Her var nemnt m.a. 6 kyr, 3 kviger og 1 hest. Mellom eignalutene var «en fuldkomen salmebok». Skiftebuet etter Borni i 1707 hadde 50 rdl. i brutto eige. Gjelden var 46 rdl.

Versonen til Borni tok over bruket. Det var

*Salmund Larssen* (f. ca. 1674, d. 1749) g.m. Anne Knutsdtr. Brunstad (f. ca. 1695, d. 1769),

Br. ca. 1706—1759.

Han nya opp att bygselen i 1720 på 2 pd. 20 mrk.

Sonen

*Lars Salmundsen Brunstad* (f. 1726, d. 1785) g. 1757 m. Gulov Pedersdr. Løvoll (f. 1735, d. 1815).  
Br. 1759—1787.

Byggesetel i 1759 frå Mads Abelset på 1 våg 7 mrk. Lars og Gulov hadde 9 born som vart nemnde i skiftet etter Lars i 1786. Skiftebuet hadde 30 rdl. i brutto eige. Gjelden var 23 rdl. Eldste sonen, Knut, tok over eit anna bruk på Brunstad, og det fekk namnet etter han: Bø-Knut-garden (bnr. 10).

Enkja Gulov Pedersdr. gifte seg att 1787 med

*Nils Arnesen Ljøvik* frå Sunnylvn (f. ca. 1749, d. 1838).

Han fekk byggesetel i 1787 frå Susanne Brinchmann Angell, enkja etter prost Tønder, og sat som brukar til 1793 då han og Gulov gjekk over på kår. Son til Lars Salmundsen og Gulov tok over garden. Det var

*Salmund Larssen Brunstad* (f. 1768, d. 1839) g.l. 1793 m. Pernille Ingebrigtsdr. Furset frå Ellinggarden (f. 1775, d. 1824) g.2. 1825 m. Nikoline Johannesdr. Fjørstad-H. frå Janesgarden (f. 1790, d. 1855),  
Br. 1793—1832.

Byggesetel frå prostinne Tønder i 1793. Ved sida av å stelle med garden, dreiv Salmund bondehandel. Under krigen og blokaden i 1813 var Salmund mellom dei som rodde heilt til Bergen for å freiste å få tak i korn der. Men alt han fekk kjøpe, var ei skjepe, ca. 17 liter. Ikkje før var han komen heim att, møtte grannane opp for å kjøpe korn av han. Salmund opna kista si og synte korleis det hadde gått på ferda. Då vart det stilt omkring han, fortelst det. Ein av drengane på garden fekk augo på nokre flatbrødmolar som låg att i kista etter nistematen Salmund hadde hatt med på vegen. «Kjære Salmund, lat meg få plukke opp desse brødsmlane,» bad drengen, og det fekk han. Salmund vart etter den tids målestokk ein velhalden mann. Han åtte såleis Hau-Knut-garden på Lade, og han lånte også ut pengar. Han skreiv med påhalden penn. Skiftebuet etter førstekona Pernille Ingebrigtsdr. i 1824 synte ei brutto eige på 743 spd. Gjelden var 38 spd. Andrekona Nikoline Johannesdr. gifte seg opp att 1841 med Tore Hågensen Grebstad, og flytte til Ellinggarden på Grebstad bnr. 8.

Son til Salmund og Pernille tok over garden. Det var *Lars Salmundsen Brunstad* (f. 1804, d. 1871) g.l. 1834 m. Berte Marta Olsdr. Tjønes frå Larsgarden (f. 1807, d. 1843) g.2. 1844

m. Berte Marta Jetmundsdr. Lade frå Jetmundgarden (f. 1819, d. 1899).  
Br. 1832—1875.

Bygselsetel i 1832 frå enkja Margrethe Christine Schnitler, dotter til prostinne Tønder. Ho hadde vore gift med kaptein Schnitler og hadde fått garden i arv. I skiftet etter kaptein Schnitler i 1838 fekk sonen, premierløytnant seinare kaptein E. O. Schnitler, denne garden som vart verdsett til 260 spd. Det heiter då at husa var velhaldne. Der var ei «røykstovebygning» med ei røykstove, kammers, fordør, matstove og ei sval i kvar ende der det var høy og reiskap. I tunet var også eit stabbur på steinstolpar, ku- og smalefjøs av stein, høy- og kornløe, hestestall m.m. På setra var det eit fehus og eit setersel som var berre i måteleg god stand. Eit kvernfall høyrde også til bruket, og to små skogaløer i utmarka. Lars Salmundsen la av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett i 1843. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 1 våg 7 mrk. revidert til 2 skylddlr. 2 ort 17 skl. Bruket var i 1864 rekna til 27 mål innmark, og 87 mål naturleg england. Lars bygde ny løe 1865.

Skiftebuet etter førstekona Berte Marta Olsdr. i 1843 hadde 258 spd. i brutto eige. Gjelden var 12 rdl. Son til Lars Salmundsen og Berta Marta Jetmundsdr. tok over Bøen. Det var

*Severin Larssen Brunstad* (f. 1849, d. 1941) g.l. 1875 m. Johanne Marie Petersdr. Riksheim frå Tømmesgarden (f. 1853, d. 1876) g. 2. 1878 m. Severine Jensdr. Dravlaus frå Samundgarden (f. 1856, d. 1895) g.3. 1899 m. Karen Jensdr. Tandstad frå Jakobgarden (f. 1870, d. 1970).

Br. 1875 — 1928.

Born, 2. ekteskap: Karl (f. 1878, d. 1908). Fylkesskule, under-offiseresskule, handelsskule. Kjøpmann i Bergen. Lovise (f. 1880, d. 1908). Jens f. 1882. Utvs. nr. 257. Olave f. 1884, meierske, g.m. Lars Peter Klock i Ramstaddal. Anna f. 1887 g.m. Steffen Bjørke, Hjørundfjord. Busette på Ellingsøy. Johanne f. 1889, lærarinne, g.m. Jens Vollebekk, Vestby.

Born i 3. ekteskap: Sverre f. 1899, tok over bruket. Borghild f. 1901, lærarinne, g.m. Olav Myklebust, Ellingsøy. Busette på Vågstranda. Jenny f. 1902, g.m. Håkon Buset, Ålesund. Severin f. 1904. Utvs. nr. 258. Lovise f. 1908, g.m. Paul Wik, Syvdsbotn, Klara f. 1910 g.m. Oskar Espe, Vestnes. Olga f. 1913. Syerske.

Severin Larssen fekk først bygselbrev på bruket i 1875 frå

Nils Olsen Blindheim på Vigra. Han hadde kjøpt bruket i 1857 for 500 spd. av kaptein E. O. Schnitler. Enkja etter Nils O. Blindheim, Berte Jørgensdtr. Selde så bruket i 1889 for 2.800 kroner til Severin Larsen Brunstad. Han vart då sjølveigar. Då han i 1875 tok over bruket, var buskapen 1 hest, 1 unghest, 8 kyr, 4 ungdyr, 18 sauer, 10 geiter og 1 gris. Sånaden var 4½ t. bl.korn, 5 t. havre og 3 t. poteter. Severin la ned eit stort arbeid på bruket. Han bygde nytt stovehus i 1875, utvida løa, dyrka 23 dekar jord og planta ca. 50 dekar med skog. Han var mellom foregangsmennene for skogreisinga i bygda, og fekk i 1927 pokal (H. W. Daaes legat) frå Møre og Romsdal Skogselskap. I 1931 fekk han diplom frå Skogselskapet for verdfull deltaking ved jubileumsutstillinga i Ålesund.

Han var med i styret for Sykkylven Sparebank i mange år, var skynsmann og domsmann m.m. Severin var den siste som skaut bjørn i Sykkylven. I alt skaut han 4 bjørnar.

Sonen

*Sverre Severinsen Brunstad* f. 1899 g. 1932 m. Guri Petersdtr. Vik frå Lånagarden f. 1907.

Br. 1928—1970.

Born: Kjellaug Alfild f. 1934 g.m. Jørgen Jørgensen frå Sandblust i Hustad. Annbjørg f. 1935 g.m. Thor Raudsand frå Angvik. Sjø Brunstad bnr. 3. Halldis Petra f. 1938 g.m. Magnar Vatn frå Straumsnes. Busette i Borgund. Sigbjørn Kåre f. 1941 g. på bruket. Solmund Gunnar f. 1943, Cand.rcal. No ved Distrikts-høgskulen, Molde. G. 1970 m. Astrid Kvisler frå Oslo. Per Jostein f. 1946, lærar, g. 1968 m. Siri Åse Aarland frå Stolmen. Jon Inge f. 1948, lærar, g. 1974 m. Turid Olavsdr. Haugen frå Erstad.

Sverre Severinsen gjekk jordbruksskulen i ungdomstida. Han fekk skøyte på bruket i 1928 for 4.500 kroner og kår. Sameleis som far hans har også Sverre Brunstad lagt ned eit stort arbeid på bruket. Han bygde på og vølte løa i 1935, og bygde nytt stovehus i 1957. 24 dekar jord har han fulldyrka, dessutan rudd 45 dekar kulturbeite og planta ca. 80 dekar med barskog. Om vintrane var han på silde- og torskefiske. Elles dreiv han bygningsarbeid til ymse tider av året i ca. 30 år han har også hatt sagbruk på garden, drive fram skog sjølv, og saga for andre. I ungdomstida var han aktiv medlem i det frilynde ungdomslaget, seinare i misjonslaget. Han var lenge med i blandakoret, og han spelte fele.

Sverre Brunstad har hatt mange kommunale tillitspostar, og han har vore styremedlem i Sykkylven Sparebank, skynsmann og jordskiftemann.

Sonen

*Sigbjørn Sverresen Brunstad* g. 1941 g. 1964 m. Borgny Kasbarsdtr. Bjørnsøy frå Fræna f. 1941.

Br. frå 1970.

Born: Bente Kristin f. 1955. Sverre Gunnar f. 1967. Synnøve Beate f. 1969. Margrethe f. 1972.

Sigbjørn Brunstad gjekk først realskulen og landbruksskulen, og arbeidde sidan på fabrikk til han og kona tok over Bøen i 1970.

I dei 4 åra som har gått sidan han tok over bruket, har han alt dyrka ca. 20 mål jord sørvest for husa på andre sida av elva. Han har rydda ca. 35 mål kulturbeite sør for husa opp på «Brauta». Drifta er no sterkt mekanisert, og det er innkjøpt ikkje så lite nytt maskinelt utstyr. Han fôrar 13 mjølkekyr og 13 ungdyr. Sigbjørn har drive fram ein god del tømmer frå skogen som vart planta på bruket i åra rundt 1910. Han har saga det til plankar og bord på eiga sag, og dessutan har han saga til andre.

Sigbjørn Brunstad har stor interesse for musikk. Som gitarist har han m.a. fleire gonger vore med musikklag som har spela i Kringkastinga, og han har også vore lærar i gitarkurs.

### GUNNAGARDRN bnr. 3.

*Knut Olsen Brunstad*, br. 15.—ca. 1624.

Han betalte landbygsel av 2 pd. fiskeleige i 1606, seinare av 2 mællag.

*Ole Knutsen Brunstad*, br. ca. 1624—ca. 1640.

*Peder Pedersen*, br. ca. 1640—ca. 1660.

Han skatta av 4 mællag. Sonen Peder tok truleg over Tøsten-garden.

Enkja etter Peder Pedersen d. e. truleg gift att med

*Lars Knutsen* (f. ca. 1622, d. 1695) g.?, g.m. Marit Ingebrigtsdtr.

Br. ca. 1660—1695.

Skiftebuet etter Lars i 1695 hadde 28 rdl. i brutto eige. Gjelden var 8 rdl. I skiftet er m.a. nemnt 1 gris, verdsett til 4 ort, 1 bekkevern 1 rdl., 4 våger bygg 1 rdl. og 3 ort, 1½ t. havre 1 rdl. og 3 ort, 1 børse 1 rdl. Marit og Lars hadde 3 born, 2 gutar



og 1 jente. Sonen Knut var 9 år i 1701 og var då dreng hjå ettermannen på garden

*Ole Ingebrigtsen* (f. ca. 1653).

Br. 1695—1716.

Han skatta av 4 mællag 6½ mark,

Versonen til Lars Knutsen tok over bruket etter Ole. Det var

*Ole Knutsen Hole* frå Knutgarden (f. ca. 1687, d. 1749) g.m. Gunnhild Larsdtr. Brunstad (f ca. 1674, d. 1749).

Bygselsetel i 1716 frå Hans Møller på 4 mællag. Nytt festebrev i 1720 på 1 våg 3½ mrk.

Ole Knutsen var lagrettemann.

Sonen

*Knut Olsen Brunstad* (f ca. 1714, d. 1759) g.l. 1749 m. Ragnhild Larsdtr. Brudevoll frå Jetmundgarden (f. 1725, d. etter barsel 1755) g.2. 1755 m. Berte Pedersdtr. Hjortdal frå Pegarden (f. 1731, d. 1775).

Br. 1750—1759.

Bygselsetel i 1750 på 1 våg 7½ mrk. frå Christopher Abelset.

Enkja Berte Pedersdtr. gifte seg att 1760 med

*Peder Jonsen Lade* frå Jogarden (f. 1735, d. 1774),

Br. 1760—1775.

Bygselsetel i 1760 frå Mads Abelset på 1 våg 7 mrk. Berte og Peder hadde 5 born som er nemnde i skiftet etter han i 1774, men ingen av dei tok over bruket. Skiftebuet hadde 50 rdl. i brutto eige. Gjelden var 31 rdl. Då Berte døydde i 1775, var buet etter henne fallitt.

Etter Peder Jonsen kom bror til Berte Pedersdtr. Det var

*Lars Pedersen Hjortdal* (f. 1744, d. 1785) g. 1775 m. Tyri Pedersdtr. Hole frå Knutgarden (f. 1741, d. 1799).

Br. 1775—1785.

Lars Pedersen hadde ein eldre bror med same namn. Han gifte seg til Reiten på Haugset. Lars Pedersen på Brunstad skreiv seg for Hole då han gifte seg, og Hjortdal då han bygsla dette bruket på 1 våg 7 mrk. i 1775 av presten på Stranda, Ebbe Carsten Tønder. Lars var lagrettemann. Då han døydde, var buet fallitt. Enkja Tyri Pedersdtr. gjekk over på kår, som var m.a. 6 våger bygg og 6 våger havre årleg, og 1 kårku og 5 sauer.

Etter Lars Pedersen kom det utanbygds folk til bruket. Det var

*Gunnar Olsen Herdal* på Stranda (f. 1744, d. 1804) g. 1772 m. Agnele Johannesdtr. Flo, Stryn (f. ca. 1746, d. 1821).

Br. ca. 1785—1798.

Gunnar hadde vore busett på Emdal ei tid før han flytte med familien til Brunstad. Gunnagarden har fått namnet sitt etter han. Skiftebuet etter Gunnar i 1804 synte 186 rdl. i brutto eige. Gjelden var 83 rdl. Enkja Agnete Johannesdtr. gifte seg att i 1809 med enkjemannen Knut Rasmussen Brunstad i Toregarden og flytte dit. Son til Gunnar og Agnete tok over Gunnagarden. Det var

*Johannes Gunnarsen Brunstad* (f. på Stranda 1778, d. 1839) g. 1799 m. Anne Olsdtr. Blindheim frå Hau-Ola-garden (f. 1771, d. 1850).

Br. 1798—1833.

Bygselsetel i 1798 frå prostinne Tønder på 1 våg 7 mrk. Johannes la kår til «gamlekona» i Gunnagarden, Tyri Pedersdtr. så lenge ho levde. Seinare la han kår til foreldra sine. Mor hans fekk kår også etter at ho hadde gift seg opp att og flytt til Toregarden. Gunnagarden vart i 1802 verdsett til 175 rdl. Skiftebuet etter kårmannen Johannes Gunnarsen i 1839 synte 13 spd. i brutto eige. Gjelden var 6 spd.

Sonen

*Gunnar Johannessen Brunstad* (f. 1805, d. 1878) g. 1831 m. Olave Jakobsdtr. Fet frå Hansgarden (f. 1810, d. 1885).

Br. 1833-1857.

Bygselsetel i 1833 frå fru kaptein Margarethe Schnitler f. Tønder. I 1836 var det jordskifte av heimebøen, seterstølen og skogen på Brunstad. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda, 1 våg 7 mrk. revidert til 2 skylddalar 2 ort 17 skl. Same året vart det halde takst på Gunnabruket som vart verdsett til 250 spd. Det var røykstove på bruket i denne tida. Stova stod vest for vegen som fører opp til «Hingarden» (Jørngarden), og vart riven i 1884.

Gunder var lagrettemann i 1838, og skreiv då med førd penn. Same året la han av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett.

I heimafylgjet til Olave frå Hansgarden var ein stor huspostil av Jesper Brochman. Den hadde trefjøler til permar, dekt med skinn. Ho hadde også ein spinnerokk, — sikkert den første i Gunnagarden. Hjulet var kompakt utan traler.

Gunnar, eller Gunder som han skreiv seg, var også hattemakar

og skinnfellmakar. Etterkomaren etter Gunder, lærar Johan J. Brunstad, fortel om dette i 1960-åra;

«Verktøyet til Gunder var ei hattepresse som var laga av to fjøler, ca. 8 cm tjukke og kvadratforma med side ca. 50 cm. I kvar hyrne var det treskruvar. Dertil kom ei halvkule av tre på storleik som hattepullen og som passa ned i eit sirkelrundt hol i den øvste fjøla. Materialet til hatten var ull, karda og samantøvd. Ddte materialet vart så breidd jamt ut over heile kula som vart sett ned på den underste fjøla, og så vart overfjøla pressa ned på.»

Om skinnfellmakararbeidet fortel Johan Brunstad sommaren 1971: «Det gjekk 6 vaksne saueskinn til ein skinnfell, 3 i lengd og 2 i breidd. Skinna var tørre og harde. Dei hadde vore piksa til ein vegg. No vart dei lagde saman og snara, og deretter vart dei buka på stabben med øksehammaren. Etter dette bar det inn i skinnbråka med dei. Ho var laga av to sirkelrunde fjøler med teinar i høvelege avstandar rundt kanten. Gjennom sentrum på fjølene gjekk ein aksling som fjølene kunne dreie seg rundt. Akslingen feste dei i golv og tak slik at han stod fast. I eit hol i akslingen vart «hauteina» på skinnnet fest. Ved å dreie rundt bråka, snara skinnnet seg rundt den faste akslingen. Så dreia dei bråka den motsette vegen til skinnnet vart mjukt. Siste oppmjukinga skinnnet fekk, var i ein jarnbøyel som var bolta fast i veggen. Dei stakk det inn i bøyelen, og drog det fram og attende til det var høveleg til bruk. Dei klipte no dei 6 skinna i rektangelform og sydde dei saman, Skinnstrimlar 1 cm breie vart med ein rakande kvass kniv reinska for ull. Desse strimlane sydde dei fast slik at dei dekte dei første saumane. Det var særleg om kveldane dei dreiv med slikt arbeid. Far min laga også tasker. Dei var sydde av heimebarka saueskinn. Ymse jarn og ein liten rull av massing med roser hadde han til det bruk. Lokk av flekkut kobbeskinn var svært gromt. Slike tasker var i vinden til kyrkjebruk».

Son til Gunnar Johannessen tok over bruket. Det var

*Jens Gunnarsen Brunstad* (f. 1831, d. 1917) g. 1860 m. Berte Jensine Olsdtr. Velle frå Jakobgarden (f. 1842, d. 1931).

Br. 1857—1916.

Born: Olave f. 1865 g. m. Lars Larssen Strømme på Straume (Jogarden). Anne f. 1868 g.m. Peter Kristensen Vik (Lånagarden). Gunder *Peter Andreas* i 1872, tok over bruket. Jensine f. 1875, g.m. Ole Peter O. Eidem i Tormodgarden. Andreas Martinus Johan (f. 1877, d. 1902) gjekk i skreddarlære hjå Jakobsen,

Ørskog, arbeidde så i Sykkylven, seinare i Oslo. Johan Bastian f. 1879, lærar, tok over garden etter bror sin. Ole Andreas (f. 1884, d. ca. 1969). Utvs. nr. 214. Var utlærd snikkar og bygningsmann.

I skiftet etter kaptein Schnitler i 1839 fekk sonen, seinare kaptein E. O. Schnitler, utlagd denne garden i arv. Han selde garden i 1857 for 300 spd. til Jens Gundersen Brunstad som dermed vart sjølveigar. Han bygde ny løe med fjøs, og i 1884 bygde han nytt stovehus. Tømmeret kjøpte han på Sekken. Ved sida av arbeidet med bruket var han skinnfellmakar og taskemakar. Han dreiv også sildefiske nokre år, og hadde garn av heimespunne hamp. Gunnagarden var i 1864 30 mål mindre god innmark, og 98 mål utmark.

I 1875 var buskapeen 1 hest, 6 kyr, 16 sauer, 3 geiter og 1 gris. I tillegg kom kårdyra til Gunnar Johannessen: 3 kyr, 10 sauer. Sånaden på bruket var 3 t. bl.korn, 4 t. havre, 3½ t. poteter, og dei hadde 2 ar med rotfrukt. Skylda på bruket, 2 dlr. 2 ort 17 skl. vart i 1890 revidert til 4,44 skyldmark.

Son til Jens tok over Gunnagarden. Det var

*Gunder Peter Andreas Jenssen Brunstad* (f. 1872, d. 1931) g.m. Johanne Zakariasdr. Langlo frå Nygarden på Ringstad (f. 1871, d. 1949).

Br. 1910—1928.

Born: Bastianne f. 1899, bur på Vestnes. Godin (f. 1901, d. 1924). Utvs. nr. 253. Jens (f. 1904, d. 1934).

Petter Jenssen fekk skøyte på Gunnagarden i 1916 frå far sin for 3.500 kroner og kår. I røynda hadde nok Peter hatt bruket saman med foreldra dei siste 15—16 åra. Eit par vintrar dreiv han også torskefiske, men han var plaga av sjøverk, og tok seinare sjøbudarbeid i fisketida. Medlem av kommunestyret. Peter kjøpte eit småbruk på Vestnes som dottera Bastianne fekk. Gunnagarden gav han i 1928 over til sonen

*Jens Petersen Brunstad* (f. 1904, d. 1934).

Br. 1928—1930.

Skøyte i 1928 for 3.500 kroner. Jens dreiv garden saman med far sin, men vart sjukleg. Faren, Peter Jenssen, kjøpte så i 1930 eit lite bruk i Sande i Vestfold og flytte dit med familien og husdyra. Peter døydde året etter, og sonen Jens nokre år seinare.

Bror til Peter Jenssen tok over Gunnagarden. Det var

*Johan Jenssen Brunstad* (f. 1879, d. 1971) g. 1922 m. Inger

Bastiansdtr. Weiberg Aurdal frå Karigarden på Velle (f.. 1896, d. 1937).  
Br. 1930 -1965.

Han gjekk lærarskulen i Volda, tok eksamen i 1899, og var i åra som fylgde med på mange fagkurs, t.d. teiknekurs, hagekurs på Gjermundnes, landbrukskurs på Hvam landbruksskole, Romerike, musikk-kurs og dirigentkurs. Inger Bastiansdtr. hadde gått amtskulen på Stord og husmorskulen i Oslo. Første skuleposten hadde Johan Brunstad i Hemne, seinare i Sunndalen og i Eide på Nordmøre, og kom så i 1901 som lærar til Sykkylven. Her vart han til han slutta skulearbeidet p.g.a, nådd aldersgrense i 1945. Det meste av tida i Sykkylven skula han i Velledalen. Då bror hans i 1930 reiste til Vestfold, tok Johan Brunstad over Gunnagarden. Skøyte frå Jens Brunstad for 15.000 kroner og kår til Berte Jensine Olsdtr. Johan Brunstad bygde om og utvida stovehuset i 1931, slik at det vart som nytt, men dette huset brann ned i 1950. Lærar Myrhol i Brøvoll skulekrins miste livet under denne brannen. Johan Brunstad bygde opp att nytt stovehus i 1950. Han har også volt løa, m.a. lagt på nytt tak, og bygt ei utmarksløe på Slettene. Bruket dyrka han godt opp, m.a. fulldyrka han Hjelleplassen (sjå denne), og han ol fram ein gild buskap. Skog har han planta på Rotebrauta, Setrerimane og Morkamyra. I over 50 år var han den leiande i song- og musikkarbeidet i Velledalen, og han la ned eit stort og verdfullt arbeid også på andre felt i kulturlivet i grenda, (Sjå Sunnmørsp. 10. des. 1959).

I 1968 selde Johan Brunstad bruket til

*Thor Annæussen Raudsand* frå Angvik f. 1932 g. 1958 m. Annbjørg Sverresdtr. Brunstad frå Bøen bnr. 2 f. 1935. På morsida var ho i slekt med Johan Brunstad.

Br. frå 1965.

Born: Gerd Sylvi f. 1960. Asgeir Magne f. 1965. Thor Arne f. 1969.

Først i 1970-åra fødte dei 4 kyr og 12 sauer på bruket. Thor Raudsand arbeider på fabrikk og driv garden ved sida av.

## HJELLANE.

Husmannsplass under Gunnabruket bnr. 3. Plassen låg på ei flate i dalbotnen under Nakkeberget. Første brukaren var

*Severin Petersen Velle* frå Myreplassen under Åmundbruket (f. 1852, d. 1937) g. 1885 m. *Anne Marie Martinusdtr. Brunstad* frå Rabben bnr. 13 (f. 1859, d. 1937).

Br. 1888—1937.

Dei sette opp ei lita stove og ei løe, og fødde 2 kyr. Severin dreiv murararbeid ved sida av arbeidet med plassen. Anne Marie var mykje med i misjonsarbeidet, og ho var ein uvanleg flink songar. Lærer Johan Brunstad (sjå Gunnagarden) som hadde vore kordirigent gjennom ein mannsalder, hugsar henne frå hennar velmakts dagar. Han sa at ho m.a. kunne gå eineståande langt opp i toneskalaen, og stemma var stor og klokkerein. Han meiner at Anne Marie hadde den heilt store songgivnad som kunne måle seg med slike som nådde til topps og vart verdskjende.

Severin og Anne Marie hadde ikkje born. Dei flytte til Rabben bnr. 13 på sine gamle dagar. Plassen fall inn under Gunnabruket att.

#### MONSGARDEN bnr. 4.

*Ole Olsen Brunstad*, br. 1616—1642, var visstnok første mannen på dette bruket. Truleg kom ein del av det frå Bø-Knut-bruket og Jakobbruket, for i 1616 betalte Ole Olsen 2 dlr. i « 1. års-tage» av 1½ fjerdingsslag leige som Ole Olsen og Lars Ingebrigtsen let opp for han. Same året betalte han førstebyggsel av 1½ mællag. I mange år delte han garden med sonen

*Sivert Olsen Brunstad* som i 1642 betalte 10 dlr. i førstebyggsel av halvtredje mællag leige som far hans hadde døydd ifrå, og han fekk bruke vidare den parten av garden som han tidlegare hadde hatt. Sivert sat som brukar til ca. 1655. Siste åra skatta han av 4 mællag.

##### Sonen

*Arne Sivertsen Brunstad* (f. ca. 1619, d. 1693) g.m. Berte Larsdtr. sat som brukar av 4 mællag ca. 1655—1690.

Han betalte kvegskatt i 1658 av 1 hest, 8 kyr, 6 geiter og 7 sauer. Skiftebuet etter Arne Sivertsen i 1693 synte 24 rdl. i brutto eige. Gjelden var 11 dlr. Buskapen hans var 1 gamal øyk, 1 føl, 3 kyr, 5 geiter og 3 sauer. Av korn er nemnt 6 t. havre.

Etter Arne kom sonen

*Lars Arnesen Brunstad*, d. 1695, g.m. Kari Olsdtr. Hole frå Knutgarden (f. ca. 1668, d. 1726).

Br. 1690—1695.

Han fekk bygselbrev på 4 mællag i 1690 av Christen Henningssen Smith i Hanken. Lars døydde i ung alder. Skiftebuet etter han i 1695 synte 30 rdl. i brutto eige. Gjelden var 6 rdl. Han let etter seg m.a. eit sylvbelte på ei lerreim, verdsett til 5 rdl., eit tinnfat 3 ort, og buskapen var 3 kyr, 4 geiter og 4 sauer. Av korn var det 4 t. havre.

Enkja Kari Olsdtr. gifte seg att med

*Jakob Olsen*, (f. ca. 1646, d. 1706).

Han skatta av 4 mællag 6½ mrk. Skiftebuet hans hadde 43 rdl. i brutto eige. Gjelden var 29 rdl. Buskapen som er nemnt, var 1 hest, 6 kyr og 3 kviger.

Enkja Kari Olsdtr. gifte seg tredje gong med

*Peder Pedersen Brudevoll* frå Larsgarden (?) (f. ca. 1675, d. 1733).  
g.2. 1726 m. *Ragnhild Jonsdtr. Emdal* frå Sjugarden (f. 1705, d. 1740).

Br. 1707—1733.

Bygselsetel i 1707 frå *Claus Frimann* på 4 mællag.

Enkja *Ragnhild Jonsdtr.* gifte seg att 1733 med

*Mons Arnesen Andeberg* (f. ca. 1696, d. 1743) g.2. 1741 m. *Guri Jakobsdtr. Brunstad* (d. 1772, då oppgitt alder 61 år). Dersom ho var dotter til *Jakob Olsen* og *Kari Olsdtr.*, må ho ha vore nokre år eldre).

Br. ca. 1733—1743.

Han skatta av 1 våg 6 mrk. Bruket har fått namnet sitt etter han.

Enkja *Guri Jakobsdtr.* gifte seg att 1744 med

*Jørgen Knutsen Velle* frå Knutgarden (f. ca. 1714, d. 1780).

Br. 1743—1775.

Bygselbrev i 1743 på 4 mællag 6 mrk. frå enkja etter *Søren Madsen*, *Anne Harboe*. Det vart halde skifte etter *Guri* i 1772. Skiftebuet hadde 99 rdl. i brutto eige. Gjelden var 39 rdl

Sonen

*Knut Jørgensen Brunstad* (f. 1750, d. 1788) g. 1774 m. *Marte Knutsdtr. Vik* frå Sjugarden (f. 1749, d. 1816).

Br. 1775-1788.

Bygselsetel frå *Claus Frimann* i 1775 på 4 mællag 7 mrk. Skiftebuet etter *Knut Jørgensen* i 1788 hadde 117 rdl. i brutto eige. Gjelden var 28 rdl. Enkja *Marte Knutsdtr.* gifte seg att 1789 med

*Karl Rasmussen Øvre Furset* (f. 1751, d. 1823).

Br. 1788—ca. 1802.

Bygselsetd i 1788 frå prostinne Tønder på 1 våg 7 mrk.

Son til Knut Jørgensen og Marte Knutsdtr. tok over bruket. Det var

*Knut Knutsen. Brunstad* (f. 1778, d. 1834) g. 1808 m. Johanne Olsdtr. Strømmegjerde (f. 1786, d. 1874).

Br. 1802—1843.

Monsbruket vart i 1802 verdsett til 175 rdl. Mykje av presten Tønder sitt jordegods kom gjennom giftarmål over til presten Hans Rasmus Astrup. I 1835 ervde kaptein Lied i Tusvik dette bruket. Han selde det i 1839 til Lars Olsen Teiseth for 300 spd. Han var truleg frå Nesset prestegjeld i Romsdal. Lars Olsen selde det vidare i 1840 for 320 spd. til Erik Iversen Røsvik.

I 1836 var det jordskifte på Brunstad. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på Monsgarden. I våg 7 mrk. revidert til 2 skylddlr. 2 ort 17 skl. Skiftebuet etter Knut Knutsen i 1834 hadde 162 spd. i brutto eige. Gjelden var 94 rdl.

Eldste sonen tok over bruket. Det var

*Mikkel Karolus Knutsen Brunstad* (f. 1815, d. 1889) g. 1840 m. Tyri Larsdtr. Brudevoll frå Larsgarden (f. 1818, d. 1865).

Br. 1843—1869.

Bygselsetel i 1843 frå Erik Iversen Røsvik. Bruket var i 1864 på 19 mål dyrka åker og eng, og 80 mål naturleg england. Både dyrkamarka og naturenga var mindre god, heiter det i matrikkelførearbeidet. Sånaden var  $\frac{1}{8}$  t. bygg, 3 t. bl.korn, 4 t. havre og 2 t. poteter. Buskapen var 1 hest, 9 kyr, 17 sauer og 5 geiter.

Sonen

*Karl Johan Karolussen Brunstad* (f. 1844, d. 1929) g.l. 1869 m. Jakobine Petersdtr. Straumsheim frå Andersgarden (Nymarka) (f. 1851, d. 1888) g.2. 1898 m. Ingeborg Larsdtr. Straume frå Jørgensen (f. 1851, d. 1919).

Br. 1869—1906.

Born: Johanne f. 1874 g. på bruket. Olave f. 1876 g.m. Eilert Wessel, Kjørsvikbugen (Aure på Nordmøre). Karen Marie f. 1878. Utvs. ,nr. 221. Karl Johan f. 1881. Utvs. nr. 228. Sjå også Brunstad bnr. 21.

Karl Karolussen fekk bykselsetel i 1869 frå Erik Iversen Røsvik. Kår til Karolus Knutsen. Karl fødde i 1875 1 hest, 4 kyr, 4 ungdyr, 14 sauer, 5 geiter og 1 gris. Til dette kom kårdyra: 2



kyr, 1 ungdyr, 5 sauer og 2 geiter. Sånaden på bruket var 4 t. bl.korn, 5 t. havre, 4½ t. poteter og dei dyrka 2 ar med rotfrukt. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda, 2 dlr. 2 ort 17 skl., revidert til 4,28 skyldmark. I 1896 vart det avslutta jordskifte over innmarka på Brunstad, og Monsgarden måtte flytte ut frå gamletunet. Karl Karolussen sette opp att husa ca. 150 m lenger vest.

Kring 1910 flytte Karl og kona Ingeborg ned på eit stykke av Gunnabruket i Øyane. (Sjå bnr. 21). Han kjøpte den gamle Pål-stova på Hjortdal og sette henne opp att i Øyane, og han bygde også ei lita løe. Der budde Karl nokre år, men på sine gamle dagar flytte han attende til Monsgarden. Stova selde han til Ole Bastian Knutsen Lade. Sjå Brudevoll bnr. 6.

Verson til Karl og Jakobine tok over Monsbruket. Det var

*Ole Bastiansen Velle* frå Askjellgarden (f. 1868, d. 1948) g. 1904 m. Johanne Karlsdtr. Brunstad (f. 1878, d. 1957).

Br. 1906—ca. 1940, sidan saman med dei yngste borna.

Born: Susanne f. 1905. Utvs. nr. 243. Karl f. 1906. Utvs. nr. 244, Berta f. 1908 g.m. Olav Kvammen i Stordal. Konrad f. 1910. Jenny f. 1912.

Eigaren av dette bruket, Erik Iversen Røsvik, gav bruket til dottera Oline Eriksdtr. g.m. Andreas Iversen Rørvik. Han selde Monsbruket med hus i 1900 til Ole Bastiansen for 3.100 kroner og kår til Karl Johan Karolussen. Etter dette var Ole sjølveigar på bruket. Han dyrka ein heil del jord, m.a. ca. 3 mål på stykket i Nakkeberget, 8 mål på Slettene vest for elva, og ca. 3 mål på den teigen som vart kalla Øyestykket. Han dyrka også mykje på sjølve heimebøen. Serleg nede under Bakkane var det våtlendt, og her tok Ole mange og lange veiter som han både hellesette og mura.

Sonen

Konrad Olsen Brunstad f. 1910 tok etter kvart over gardsdrifta frå 1940-åra. Han hadde gått snikkarskule på Molde i 1928. I tida som fylgde, var han på vegarbeid sommarhalvåret. Vintrane dreiv han snikkarverkstad i kjellaren i Monsgarden. Han dreia m.a. stolføter til møbelfabrikkar både i Sykkylven og Stranda. Seinare laga han også stolgrindar, og hadde 4—5 mann i arbeid på verkstaden. I 1947 sette han opp verkstadbygg, og dreiv denne verksemda til 1960-åra.

I 1950-åra bygde han sag på bruket. Ho kom serleg til nytte

då det vart aktuelt med uthogst av plantefeltet etter jordskiftet i 1957. Konrad saga då både tømmeret han sjølv dreiv fram, og han saga også til andre.

Ved sida av arbeidet med verkstaden og saga har Konrad Brunstad drive bruket. Han har planert m.a. stykket nede under Bakkane. Han byrja også på Kvitlestykket vest for elva, rydda det reint for planteskog, og tok til å dyrke det. Seinare la han dette stykket ut til campingplass. Denne plassen selde han.

Etter jordskiftet i 1957 kom det gamle Sølmonhuset på sal etter utflyttinga. Huset gjekk over til Johan. J. Brunstad i Gunnagarden. På auksjonen etter han kjøpte Konrad Brunstad dette huset som han drog på rullar ca. 100 meter mot sørvest og over bygdevegen. I kjellarhøgda i dette huset driv han no landhandel. Han dreiv tidlegare handel i Ålesund nokre år. I arbeidet med bruket og forretninga på Brunstad har han hatt god hjelp frå syster si

*Jenny Olsdtr. Brunstad* f. 1912.

Ho har vore husmor i Monsgarden frå den tid mor hennar døydde, med unnatak av nokre år då ho var i USA.

I tillegg til husstellet har ho hatt arbeid med vasking av skulen på Dalemyra. Dessutan driv ho med veving.

#### KLAUSGARDEN bnr. 5.

*Ole Iversen Brunstad*, br. 15.—1643.

Enkja etter han gifte seg att med

*Gregorius Tostensen* f. ca. 1606.

Br. 1643 -ca. 1860.

Han skatta av 1 våg fiskeleige, og betalte 16 rdl, i førstebyggsel i 1643. Buskapen hans i 1658 var 1 hest, 7 kyr og 4 geiter. Sokneprest Christen Hegelund stemnde Gregorius og fleire andre på Brunstad i 1650 fordi dei nekta å skyse han frå sykkylvskyrkja, og Gregorius måtte ut med mulkt for det.

*Ole Gregoriussen Brunstad* (f. ca. 1646, d. 1703) g.m. Synnøve Klausdtr. Helsem frå Sersjantgarden (f. 1651).

Han brukte 4 mællag 6½ mrk. ca. 1680—1703.

Skiftebuet etter Ole i 1703 hadde 87 rdl. i eige, og han var utan gjeld. I buet vert det m.a. nemnt 1 hest, 2 kyr, 2 kviger, 3 geiter, 4 sauer, 3 t. havre og 2 t. bygg.

Enkja Synnøve Klausdtr. gifte seg att med

*Knut Olsen Fjørstad* —F. (f. ca. 1670, d. 1714).

Br. 1703—1714.

Han var lagrettemann. Skiftebuet etter han i 1714 hadde 125 rdl. i brutto eige. Gjelden var 45 rdl. Ein huspostil er nemnd mellom tinga han åtte. Enkja Synnøve Klausdr. gifte seg att 3. g. 1722 med enkjemann Ole Jonsen Tandstad (Ytre) og flytte dit. Son hennar med Ole Gregoriussen tok over bruket på Brunstad. Det var

*Klaus Olsen Brunstad* (f. ca. 1696, d. 1759) g.m. Marte Kolbeinsdr. (f. ca. 1608, d. etter barsel 1723), gift att 1724 m. Marte Jonsdr. Drotninghaug (f. ca. 1702, d. 1762),

Br. 1714—1758.

Bygselsetel 1714 frå Claus Frimann på 1 våg. Nytt festebrev frå Søren Madsen i 1720. Klaus Olsen var lagrettemann. Han let frå seg bruket i 1758 mot dette kåret: 1 t. havre, 1 t. bygg, og for til 2 kyr og 4 sauer, 1 skiftet etter førstekona Marte Kolheinsdr. hadde skiftebuet ei brutto eige på 80 rdl. Gjelden var 8 rdl.

Son til Klaus frå andre ekteskap tok over bruket. Det var

*Jon Klaussen Brunstad* (f. 1728, d. 1786) g. 1756 m. Marte Amundsdr. Vik frå Styrkågarden f. 1730.

Br. 1758 -1788.

Bygselsetel i 1758 frå Anne Harboe på 1 våg fj mrk. Jon var lagrettemann.

Sonen

*Klaus Jonsen Brunstad* (f. 1760, d. 1793) g. 1789 m. Synneve Olsdr. Brunstad (Jørngarden) (f. 1761, d. 1835).

Br. 1788 -1794.

Bygselsetel i 1788 på 1 våg frå Susanne Borkmann Angel, enkja etter prost Tønder.

Enkja Synnøve Olsdr. gifte seg att 1794 med

*Elias Anderssen Blindheim* frå Hau-Ola-garden (f. 1766, d. 1836).

Br. 1794—1820.

Bygselsetel i 1794 frå prostinne Susanne Tønder på 1 våg 7 mrk. Elias var lagrettemann. Han skreiv med førd penn. I 1800 var han med som kunnig i snikkararbeid og heldt takst på det nye lensmannshuset på Blindheim. Bruket hans vart i 1802 verdsett til 175 rdl.

Sonen

*Nils Olaus Eliassen Brunstad* (f. 1796, d. 1877) g. 1822 m.

Anne Guri(ne) Salmundsdr. Brunstad frå Bøen (f. 1800, d. 1860,  
Br. 1820—1858.

Bygselsetel i 1820 frå prostinne Tønder. Kår. I 1836 var det jordskifte. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 1 våg 7 mrk. endra til 2 skylddlr. 2 ort 17 skl. Buskapen i 1845 var 1 hest, 8 kyr, 14 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var 4 t. bl.korn, 5 t. havre og 2 t. poteter. Nils Eliassen sat som bygselmann til han gjekk over på kår i 1857. I hans tid ervde dotter til Susanne Tønder, Margrethe Christine, gift med kaptein Schnitler, dette bruket. Frå dei gjekk garden i arv til sonen E. O. Schnitler som i 1857 selde til bygslaren sin son

*Peter Elias Nilssen Brunstad* (f. 1826, d. 1920) g. 1858 m. Anne Oline Olsdr. Velle frå Jakobgarden (f. 1836, d. 1899).

Br. 1858 ca. 1890, sidan saman med versionen nokre år.

Born: Peter Elias hadde dottera Johanne f. 1856 med Anne Eline Johannesdr. Tu. Sjø Hole bnr. 7.

Born i ekteskapet: Nikoline f. 1858 g.m. Peter Kristensen Vik i Lånagarden. Guri f. 1866 g. på bruket. Ole f. 1866, tvilling med Guri, g.m. Anne Olsdr. Lade i Andersgarden.

Peter Elias Nilssen fekk skøyte for 300 spd. i 1858. Bruket vart i 1864 rekna til 30 mål åker og dyrka mark, og 98 mål naturleg england, alt var «mindre godt». I 1875 var buskapen 1 hest, 1 unghest, 10 kyr, 5 ungdyr, 2 sauer, 8 geiter og 1 gris, og sånaden var 4 t. bl.korn, 5 t. havre, 5 t. poteter og 2 ar med rotfrukt. Ved den nye skyldsettinga i 1860 vart skylda 2 dlr. 2 ort 17 skl. revidert til 4,44 mark.

Peter Elias kjøpte opp bukkekje m.a. i Hjørundfjord. Han fôra dei opp, og slepte dei seinare i hamn i Brunstaddalen der han sjølv gjette dei. Om hausten slakta han dei og selde kjøtet. Han sysla også med hestehandel. Når han kjøpte ein ny øyk, leidde han alltid øyken ein tur inn i stova før han sette han på stallen. Dette var skikken også på fleire andre gardar i bygda.

Versonen til Peter Elias tok over bruket. Det var

*Ludvik Jakobsen Hole* frå Jørngarden (f. 1868, d. 1950) g.1. 1889 m. Guri Petersdr. Brunstad (f. 1866, d. 1919) g.2. m. Jensine Bastiansdr. Hjorthol frå Jørngarden (f. 1877, d. 1963).

Br. halve garden frå ca. 1890, seinare heile til 1914.

Born: Peter f. 1889 g.m. Nikoline Petersdr. Vik i Lånagarden. Utvs. nr. 239. Nils f. 1891 g.m. Berta Berntsdtr. Haugset i Rei-

ten. Utvs. nr. 238. Anton f. 1895. Utvs. nr. 236. Anna f. 1898 g.m. Olaf Olsen Brunstad i Tøstengarden. Sigvard f. 1901. Utvs. nr. 240. Leonard f. 1908, d. 1971. Utvs. nr. 237.

Før Jensine Bastiansdtr. vart gift med Ludvik Jakobsen hadde ho dottera Olga Larsdtr. Hole, seinare gift med Elias Oen frå Vigra. Sjø Brudevoll brn. 12.

Etter jordskiftet på garden i 1896 måtte Klausbruket flytte ut. Ludvik saman med verfare Peter Elias sette då opp att stove og løe på nye tufter lenger vest. Dei var også med på det første og store plantearbeidet på garden i 1890-åra, og heldt fram med eit nytt felt i 1904. Elles dyrka Ludvik ein god del jord, m.a. ei stor attelege ovafor Rytterøyra. Seinare braut han seg opp eit karstykke på Bruasletta på 5—6 mål.

Første åra etter at Ludvik vart gift, dreiv han dessutan fiske og fiskearbeid om vintrane. Seinare kom han mykje med i vegarbeidet og var formann i mange år. Han arbeidde på dei fleste nye vegparsellane som vart bygde i Sykkylven frå hundreårsskiftet og fram til 1930, m.a. vegen frå Straume til Drotninghaug, vidare opp Myrdalen mot Stranda. Han var også mykje med i det kommunale styret, medlem i heradstyret og i mange kommunale nemnder og utval, medlem i styret for Velledalens meieri og ein sterk talsmann for meieriet som då stod ved Brunstad bru.

Sonen

*Peter Ludviksen Brunstad* (f. 1889, d. 1945) g. 1917 m. Nikoline Petersdtr. Vik frå Lånagarden (f. 1896, d. 1964).

Br. 1914—1940.

Born: Sjø Vik, Lånagarden bnr. 3.

Peter Ludviksen fekk skøyte på Klausgarden frå bestefar sin, Peter Elias Nilssen Brunstad, i 1914 for 4000 kroner og kår til bestefaren og foreldra. Peter hadde vore i USA (Utv. nr. 239) før han tok over bruket på Brunstad. Han dyrka ein del jord, m.a. 6 mål nede under Bakkane, og Grønøya nede ved Storelva. Han braut også 3 mål på stykket Klausbruket hadde i Nakke-berget, og 3—4 mål i Nygjerdet. Dessutan dyrka han eit par mål på Slettene vest for Brunstadelva. Petter planta også 12—14 tusen granplanter i Storgjerdet. Denne skogen miste Klausbruket under jordskiftet i 1957.

Petter Ludviksen ordna også ein del på stovehuset. I 1926 flytte han til Vik med huslyden og tok over Lånagarden. Nokre år dreiv han både gardane, både Klausgarden og Lånagarden. Han

sleit svært, og var ein dugande arbeidsmann. I 1940 gav han frå seg Klausgarden til sonen

*Leif Arne Petersen Brunstad* f. 1918 g. 1949 m. Kjellaug Nelly Rasofielsdtr. Lillebø frå Vanylven (f. 1920, d. 1974).

Br. frå 1940.

Adoptivson: Per Norvid f. 1954.

Leif Arne Brunstad fekk skøyte på Klausbruket i 1940 for 5000 kroner og kår. Han hadde då arbeidd 4 år på møbelfabrikk som polerar. Då han flytte frå Vik i 1940, laga han seg verkstad i kjellaren i Klausgarden og heldt fram med poleringsarbeid der. Dette dreiv han i tillegg til arbeidet med bruket. I 1967 bygde han eigen verkstad, og hadde nokre år 3—4 mann i arbeid. (Brunstad Lakkeringsverkstad). Leif Brunstad har likevel hatt jordbruket som si hovudinteresse, og han har lagt ned eit stort arbeid på bruket. Han har dyrka det godt opp, teke ca. 500 meter med veiter, planert m.a. eit stort stykke nede under Bakkane, og laga kulturbeite til buskapen. Leif Arne og Kjellaug fôra på det meste 14 mjølkekyr, 10 ungdyr og 30 slaktegrisar. Dei fôra også fram fleire oksar som fekk premi og vart selde som avlsdyr.

I 1964 bygde dei ny og moderne driftsbygning, og hadde nyleg bygd om stovehuset og modernisert det, då det natt til 18. april 1974 brann ned til grunnen. Leif Arne Brunstad har no sett opp nytt hus litt nedafor gamletufta og lenger frå vegen. Han har siste året slutta med mjølkeproduksjon, og gått over til kjøt-produksjon og sal av ungdyr. I denne tida han har hatt bruket, har han også planta ut ca. 85 mål skog, både i Nygjerdet, Aksle-gjerdel og i setremarka. Frå hausten 1974 har han byrja å arbeide i møbelindustrien att.

#### JAKOBGARDEN bnr. 6.

*Ingebrigt Larssen*, bnr. 15.—ca. 1620.

Han skatta av 5 mællag i 1609. Siste åra brukte han garden saman med sonen

*Lars Ingebrigtsen Brunstad* som var med i Kalmarkrigen i 1611.

Lars skatta av 2 mællag. Frå ca. 1625 brukte Lars garden saman med bror sin

*Ole Ingebrigtsen Brunstad* som også skatta av 2 mællag.

Det gjekk ut med både Lars og Ole. I 1635 heitte det at dei

var utarma. Nokre år seinare kjem det ein ny brukar som brukte garden udelt. Det var

*Ole Hansen*, br. ca. 1640—1643.

Enkja hans gifte seg att med

*Elling Knutsen Langlo* f. ca. 1608.

Br. ca. 1643—ca. 1680.

Han skatta av 6 mællag. Buskapen i 1658 var 1 hest, 10 kyr, 4 geiter, 12 sauer og 1 okse. I 1656 vart Elling stemnd for retten fordi han gjorde «pellemente» og hogg sund døra til Knut Pedersen Brunstad, som truleg var ein gamal husmann. Elling møtte for domaren og meinte at han inkje pellemente gjorde, men kunnu ikkje nekte for at han støyte døra i stykke. Men han hadde var full. Elling måtte bøte med 3 mark sylv, og reparere døra.

Etter Elling Knutsen kom

*Elling Hanssen Brunstad* frå Tore-garden (f. ca. 1652, d. 1728) g.m. Berte Nilsdtr. (f. ca. 1655, d. 1726).

Br. ca. 1680—ca. 1698, sidan halve bruket saman med broren

*Sjur Hanssen Brunstad* (f. ca. 1661, d. 1733) g.m. Madli Nilsdtr. (f. ca. 1662, d. 1730).

Sjur brukte halve garden frå ca. 1698 til ca. 1720, sidan heile til 1728.

Han fekk nytt bygselbrev på 4 mællag 6 mrk. i 1720 frå Søren Madsen. Resten av bruket var odelgods som Elling og Sjur hadde ervt og som skreiv seg; frå ei skøyte dagsett Abelset 25. sept. 1645. Sjur Hanssen sin son. Hans Sjursen, som flytte over att til Tore-garden, fekk kjøpe denne gardparten på 2¼ mællag i 1718.

Etter Sjur kom versonen

*Jacob Torsen Velle* frå Toregarden (f. ca. 1701, d. 1779) g. 1730 m. Anna Sjursdtr. Brunstad (f. ca. 1708, d. 1756).

Br. 1728 1759.

Bygselsetel frå Søren Madsen i 1728 på 2½ mællag, og frå Hans Møller på 10 mrk. i 1732. Etter bygselsetelen kan det sjå ut til at Jakob brukte berre halve bruket første tida, men i 1742 skatta han av 5 mællag 6 mrk. som var heile garden. Som nemnl ovafor ervde verbroren i Tore-garden, Hans Sjursen, 2¼ mællag odelgods i dette bruket. Denne gardparten selde han i 1734 til Hans Møller i Borgund for 16 rdl.

Son til bygslaren Jakob Torsen og Anna Sjursdtr. tok over bruket. Det var

*Sjur Jakobsen Brunstad* (f. 1730, d. 1789) g. 1770 m. Ragn-

hild Halsteinsdtr. Midtlid (Lien), Skodje, (f. 1749, d. 1818).

Br. 1759-1789.

Bygselsetel i 1750 frå Christopher Abelset på ½ våg 9 mrk. Seinare skatta Sjur av 1 våg 7 mrk.. Med dotter til eigaren, Anne Christophersdtr. Abelset, kom denne og fleire gardar gjennom giftarmål over til Johan Hermann Høirup som hadde etablert seg som handelsborgar på Abelsel og Storholmen. I 1780 kjøpte John Ellingsen Sandvik (eller Moldværsmyr) dette bruket på auksjon, og han selde det att i 1789 for 90 rdl. til sersjant Ole Rasmussen Strømmegjerde. Skiftebuet etter Sjur i 1789 hadde 26 rdl. i brutto eige. Gjelden var 5 rdl Enkja Ragnhild Halsteinsdtr. gifte seg att same året med

*Lars Jonsen (Brunstad ?)* (f. ca. 1746, d. 1813).

Br. 1789—1798.

Bygselsetel i 1789 frå sersjant Ole Gjerde på 1 våg 7 mrk. Lars var lagrettemann. I 1798 gjekk Lars og Ragnhild over på kår som m.a. var 12 våger havre, 12 våger bygg, eit lite stykke åker, og for til 2 kyr, 8 småfe mot arbeid etter «formue». Skiftebuet etter Lars Jonsen i 1813 hadde 163 rdl. i brutto eige. Gjelden var 6 rdl.

Son til Sjur og Ragnhild tok over bruket. Det var

*Tore Sjursen Brunstad* (f. 1773, d. 1851) g. 1801 m. Ide Ingebrigtsdtr. Velle frå Knutgarden (f. 1780, d. 1845).

Br. 1798—1843.

Bygselsetel i 1798 frå Ole Rasmussen Strømmegjerde på 1 våg 7 mrk. Bruket vart i 1802 verdsett til 175 rdl. Son til eigaren, Karl Fredrik Olsen Strømmegjerde som flytte til Fredriksgarden på Blindheim, fekk skøyte på dette bruket i 1806 for 100 riksbankdalar. Han selde det vidare i 1833 for 199 spd. til Johannes Anderssen Aurdal. I 1836 var det jordskifte på Brunstad, og i 1838 vart den gamle skylda, 1 våg 7 mrk., revidert til 2 skylddlr. 2 ort 17 skl.

Skiftebuet etter Ide Ingebrigtsdtr. i 1845 synte ei brutto eige på 139 spd. Gjelden var 10 spd.

Sonen

*Lars Peter Toresen Brunstad* (f. 1813, d. 1854) g. 1842 m. Oline Karlsdtr. Blindheim frå Fredriksgarden (f. 1819, d. 1868).

Br. 1843—1855.

Bygselsetel i 1843 frå Johannes Anderssen Aurdal. Lars Peter la av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett i 1847.

Enkja Oline Karlsdtr. gifte seg att 1855 med



*Magnus Jonsen Gjævenes* (f. 1825, d. 1912) g.2. 1869 m. enkja Karen Marie Syversdtr. Brunstad i Toregarden (f. Tjønes 1817, d. 1908).

Br. 1855—1870.

Bygselsetel i 1855 frå handelsborgar Mads Brunstad som i 1854 hadde kjøpt bruket av Johannes Anderssen Aurdal for 314 spd. Magnus kom som dreng til Jakobgarden våren 1855. Etter tradisjonen var dette ein av dei verste snøvintrane nokon kunne mirmast, og våren kom uvanleg seint. Då Magnus skulle moke dungestø og køyre ut gjødsla, var snøen så høg at berre hatten til Magnus var synleg over snøkanten. Jakobbruket vart i 1864 rekna til 30 mål åker og dyrka mark, og 98 mål naturleg england, alt med karakteren mindre godt. Magnus fødte i 1865 1 hest, 10 kyr, 18 sauer og 6 geifer. Sånaden var  $\frac{1}{8}$  t. bygg, 3 t. bl.korn,  $4\frac{1}{2}$  t. havre og  $2\frac{1}{2}$  t. poteter. Ved sida av arbeidet med bruket, sysla han med litt handel, men mest kjent har han vorte for den uvanleg store dugleiken sin til å bygge kvelvings-bruer av gråstein. Då Magnus gifte seg opp att, gjekk han over på kår. Han fekk skylddelt frå eit stykke av bruket, Nakkeberget bnr. 7, og flytte dit til han i 1884 kjøpte ein plass på Aure, Teigane bnr. 14, På sine gamle dagar sette han seg opp ei stove på Grebstad bnr. 55 og levde der resten av si tid.

Son til Lars Peter Toresen og Oline Karlsdtr. tok over Jakobgarden. Det var

*Karl Johan Larssen Brunstad* (f. 1843, d. 1892) g. 1868 m. Tomasine Larsdtr. Velle frå Djupedalen (f. 1842, d. 1928). Ho var dotter til Berte Oline Olsdtr. Velle og Lars Andreas Olsen Blindheim i Larsgarden. Sjå også Larsgarden på Brudevoll. Karl og Tomasine brukte Jakobgarden frå 1870 til 1894.

Born: Lars f. 1865. Utvs. nr. 229. Oline f. ca. 1868. Fredrik f. 1870, tok over bruket. Ole Martinus f. 1872. Utvs. nr. 232. Lars f. 1874. Jensine f. 1875. Utvs. nr. 220. Anna Lovise f. 1878 g.m. Petter Kjøpstad frå Tresfjord, Johan Bastian f. 1882. Utvs. nr. 227. Ole Andreas f. 1885. Utvs. nr. 230. Sjå også Svartebekk,

Bygselsetel i 1872 til Karl Larssen Brunstad frå Hans Peter Olsen Utgård som hadde kjøpt bruket i 1868 av Ole Larssen Brunstad i Tøstengarden for 825 spd. Ole hadde kjøpt bruket i 1858 for 560 spd. av handelsborgar Mads Brunstad. Bygslaren Karl Larssen Brunstad fødte i 1875 i Jakobgarden 1 hest, 1 unghest, 6 kyr, 4 ungdyr, 12 sauer og 6 geiter, og i tillegg kårdyra til Mag-

nus Jonsen i Nakkeberget: 1 ku og 3 sauer. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4 t. poteter og 3 ar med rotfrukt. Skylda på Jakobbruket etter at Nakkeberget var fråskilt var 2 dlr. 2 ort 6 skl. som vart revidert i 1890 til 4,28 mark. Etter at Karl Larssen var død, vart Jakobbruket delt. Den eine halvparten vart delt i tre luter: Nygarden bnr. 15 med skyld 1,62 mark. Nakkeberget bnr. 16 med skyld 0,30 mark, seinare slege saman med bnr. 7, og Nygjerde bnr. 17 med skyld 0,05 mark.

Den andre halvparten av Jakobgarden kjøpte son til bygslaren Karl Larssen. Det var

*Fredrik Karlsen Brunstad* (f. 1870) g. 1895 m. Anne Iversdtr. Hjorthol frå Larsgarden (f. 1871).

Br. 1894—1904.

Dette bruket hadde no att 2,22 mark i skyld. Fredrik Karlsen fekk skøyte på dette i 1894 av Peter Olsen Utgård for 1.500 kroner og kår til Magnus Jonsen Brunstad og enkja Tomasine Larsdtr. som flytte til Vestnes og budde der. Ho var musikalsk og flink til å «trale».

Fredrik Karlsen flytte i 1904 til Grønset på Nordmøre, og det kom nye folk i Jakobgarden som også fekk nytt namn og vart kalla

ØYEGARDEN bnr. 6.

Fredrik Karlsen selde bruket sitt for 3.800 kroner i 1904 til

*Karl Johan Olsen Brunstad* frå Øyegarden bnr. 18 (f. 1879, d. 1912) g. 1909 m. Anna Larsdtr. Velle frå Åmundgarden f. 1887.

Br. 1909—1914.

Barn: Laura f. 1911, g.m. lærar Ole Jørgen O. Fausa. Sjå Riksheim bnr. 30, og Dravlaus bnr. 1.

Karl Johan Olsen hadde vore i USA (Utv. nr. 245) og kom heim i 1909. Men han vart sjuk og døydde i ung alder. Enkja Anna Larsdtr. gifte seg att med Petter P. Velle. (Sjå Velle, Brauta bnr. 3)

I 1914 selde ho halvparten av bruket sitt på Brunstad til Karl Karlsen Brunstad frå Monsgarden. (Nedregarden bnr. 21). Resten av bruket som no hadde att 1,11 mark i skyld, selde ho til verbror sin frå første ekteskap

*Peter Johan Olsen Brunstad* frå Øyegarden bnr. 18 (f. 1882, d.

1952) g. 1914 m. Karoline Petersdtr. Hole frå Reiten bnr. 6 (f. 1895).  
Br. 1914-1951.

Born: Kedy f. 1915 g.l. m. Selmer Johansen Grebstad (Sjå Hjortdal bnr. 6) g.2. m. Harald Knutsen Hjorthol i Larsgarden bnr. 2. Oddbjørg f. 1917 g.m. Johan Skogvoll. Sjå Brunstad bnr. 34. Sara f. 1920 g.m. Trygve Bø, Vatn på Nordmøre. Alf f. 1925 g. på bruket.

Peter O. Brunstad hadde vore i USA før han tok over Øyegarden bnr. 6. Utvs. nr. 251.

Skøyte til Peter Johan Olsen i 1914 på dette bruket med hus for 2000 kroner. Dotte stykket av den gamle Jakobgarden låg rett vest for Jørntunet på Brunstad. Det vart makeskift med ein part av Gunnabruket, Øyestykket, som låg til bytes med Øyegarden bnr. 18 som Peter Johan Olsen også tok over. Etter dette vart Jakobstykket bnr. 6 med skyld 1,11 mark og Øye bnr. 18 med skyld 0,85 mark slegne til eitt bruk med namnet Øye bnr. 6 med skyld 1,96 mark. Peter Olsen bygde nye hus, og la ned eit stort arbeid med jorddyrking. På bruket fødde dei 1 hest, 4—5 mjølkekyr, eit par ungdyr og 5—6 sauer.

Ved sida av arbeidet med garden var Peter snikkar og bygningsmann. Han var også lærar ved fleire sløydkurs i Velledalen i 1930-åra.

Sonen

*Alf Johan Petersen Brunstad* f. 1925 g. 1958 m. Aase Kjellaug Andreasdtr. Lyshol frå Eidein bnr. 4, f. 1926.

Br. frå 1951.

Born; Knut Idar f. 1959. Arnt Gunnar f. 1962. Aadne Alf f. 1968.

Alf Brunstad fekk skøyte frå far sin i 1951 for 2000 kroner og kår. Etter jordskiftet på Brunstad i 1958 vart Øye eit av dei bruka som måtte flytte ut. Det kom vest om Brunstadelva heilt ut mot bytet til Velle. I det nye tunet stod det tett med planta skog, og det var ikkje veg ut. Alf hogg først ned skogen som han saga til plankar og bord. Av denne materialen bygde han ny stove i 1961, og ny løe i 1963. Det meste av bygningsarbeidet og innreiingsarbeidet gjorde han sjølv. Han leigde ein bulldosarførar, Johs. Bjørdal frå Ørsta til å pløye og grovplanere 25 mål kring husa, og dette har Alf no fulldyrka og lagt att, På bruket fôrar han 30

sauer. Han har også planta ein heil del skog, både i setremarka og i heimeutmarka, til ca. 70 mål.

Alf Brunstad har elles arbeidd full dag i møbelindustrien frå 1940-åra, berre med eit avbrot i den tida han bygde opp husa i det nye tunet.

#### NAKKEBERGET bnr. 7.

*Magnus Jonsen Brunstad* f. Gjøvenes sat som bygselmann i Jakobgarden. Han gjekk over på kår i 1870, og fekk seg då fråskylddelt eit stykke av bruket. Der bygde han hus og busette seg. Stykket fekk namnet Nakkeberget bnr. 7 med skyld 11 skl., rev. 1890 til 0,16 mark. I 1874 løyste han ut Nakkebreget for 70 spd. av gardeigaren Hans Peter Olsen Midtgård. Magnus fødte i 1875 3 kyr og 5 geiter i Nakkeberget, og sånaden var ¼ t. havre og 1 t. poteter. I 1884 selde han Nakkeberget for 1,200 kroner til

*Lars Karl Petersen Velle* frå Myra, ein plass under Åmund-bruket, (f. 1855, d. 1932) g. 1879 m. Karen Marie Berntsdtr. Kurset (f. 1851, d. 1927). Ho var dotter til Bernt Olsen Kurset og Anne Pedersdtr. Tandstad, og voks opp i Pålgarden på Tandstad. Karl og Karen Marie sat med bruket frå 1884 til 1924.

Born; Peter Andreas f. 1878, d. 1897. Bernt Peter f. 1881. Utvs. nr. 224. Olave Marie f. 1884, d. 1905. Jakob Martinus f. 1886. Utvs. nr. 225. Ole Ludvik Johan f. 1889. Utvs. nr. 231. Sjø Hole, Nygarden bnr. 2. Karl f. 1892 g. på bruket. Johanne f. 1895 g. 1915 m. Lars Petter Kristiansen Lade i Olagarden bnr. 6.

I 1885, året etter at Karl hadde kjøpt bruket til Magnus, fekk Karl husmannssetel frå Ole Larssen Brunstad i Tøstengarden på eit jordstykke i Nakkeberget. Dette stykket vart kalla «Bygslestykket», og det vart skylddelt frå Tøstenbruket i 1924 med skyld 0,40 mark, og med bnr. 26. Dette stykket brukte Karl og Karen Marie all si tid. I 1894 kjøpte han eit stykke av Jørnbruket bnr. 9 for 200 kroner. Det fekk namnet Nakkeberg bnr. 14 med skyld 0,15 mark. Same året kjøpte han også ein lut av Jakobbruket for 400 kroner etter skøyte frå eigaren Peter Olsen Utgård. Denne luten fekk også namnet Nakkeberg, med bnr. 16 og skyld 0,39 mark. Karl bygde ny løe i 1892. Om vintrane dreiv han fiskja. Han åtte eigen båt, ein åttring, og han hadde Knut Johansen Riksheim (Teie-Knut) som høvedsmann. Sommarhalvåret arbeidde Karl som bygningsmann.

Sonen

*Karl Karlsen Nakkeberg* f. 1892 g. 1917 m. Olivia Karlsdtr. Brunstad frå Toregarden bnr. 11, f. 1897.

Br. 1924—1950.

Born: Sigmund f. 1917 g. på bruket. Kari f. 1919 g. 1939 m. Jørgen Bolstad frå Stryn. Sjø Brudevoll bnr. 11. Kaspar f. 1924. Sjø Brunstad bnr. 29.

Då Karl Karlsen tok over bruket i 1924, fekk han skøyte frå far sin på alle stykke han hadde ått og frå Olaf Olsen Brunstad i Tøstengarden på Bygglestykket bnr. 26 for til saman 2.600 kroner og kår. Alle stykka vart no slegne saman til eitt bruk med namnet Nakkeberget bnr. 7 og med samla skyld 1,10 mark. Karl bygde ny stove i 1921 og bygde på løa i 1932. Han la ned eit stort arbeid på bruket, braut mykje jord, m. a. 10 mål jord i bakkane inn og ova husa. (Tøsten-Nakkeberget). I 1949 kjøpte Karl også eit stykke av Johan K. Brunstad i Monsgarden bnr. 4. Dette stykket vart kalla Austbø bnr. 29 og fekk 0,22 mark i skyld. Også dette stykket dyrka han delvis opp. Siste arbeidet hans med bruket var å lage ein skogsveg frå tunet og i svingar opp bakkane så langt til fjells som eignedomen går. I alt ca. 700 meter veg. I 1962 fekk Karl diplom med premi for jorddyrking og godt stell av garden. Olivia Karlsdtr. hadde før fått diplom frå Sunnmøre Meieri for godt fjøs- og mjølkestell.

Karl Karlsen var også skomakar. Dette arbeidet dreiv han alt frå ungdomstida og heilt fram til 1960. I sommarhalvåret var han ofte ute på bygningsarbeid.

Karl og Olivia har vore interesserte i song, og var trufaste medlemer i blandakoret i Velledalen. Karl spelte også fele.

Sonen Kaspar tok over Austbø bnr. 29. Resten av eignedomen, Nakkeberg bnr. 7, let han over til eldste sonen

*Sigmund Karlsen Nakkeberg* f. 1917 g. 1950 m. Olga Bjørlykskar frå Vatne f. 1914.

Br. frå 1950.

Barn: Karl Eilert f. 1952, p.t. på landbruksskul.en.

Sigmund Nakkeberg fekk skøyte på bruket bnr. 7 i 1950 for 3.500 kroner og kår. Han sette opp ny løe i 1950, og bygde på og moderniserte stovehuset i 1964. Sigmund har også dyrka ein del jord m.a. i Øyane (Tøstenøyane) neda husa. Siste åra har han også slege inn gras frå fleire gardar som ikkje har vore i bruk.

Olga og Sigmund fôrar no 8 mjølkekyr, 3 kviger, 3 kalvar og nokre sauer.

Alt frå ungdomstida har Sigmund drive eigen trevareverkstad i tillegg til arbeidet med bruket. I fleire år laga han stolgrindar til møbelfabrikkane. Seinare har det vore ting av ymse slag til industrien.

JØRNGARDEN bnr. 8.

Bruket vart av eldre folk ofte kalla Ingarden.

*Paul Helgasen Brunstad*, br. 16.—ca. 1635, var med i Kalmarkrigen i 1611.

Sonen

*Knut Paulsen Brunstad* f. ca. 1610.

Br. ca. 1635—ca. 1675.

Han skatta av 4½ mællag første tida, seinare av 4 mællag 1 fjerdingslag. I 1635 var det mange som fekk bøter for ulovleg tiende, og mellom dei var Knut og far hans, Paul. Det heitte då at båe var utarma. I 1658 fødde Knut 1 hest, 10 kyr, 6 geiter, 5 sauer og 1 okse.

*Ole Olsen* br. ca. 1675—ca. 1696.

Han skatta av 4 mællag 1½ mrk.

*Jetmund Olsen Brunstad* (f. ca. 1665, d. 1726).

Br. ca. 1696—1719.

Sonen

*Ole Jetmundsen Brunstad* (f. ca. 1697, d. 1726) g. m. Marte Pedersdtr. (Ytre Tandstad ?) (f. ca. 1686, d. 1759).

Br. 1719—1726.

Bygselsetel i 1719 frå Henning Castberg på 1 våg.

Enkja Marte Pedersdtr. gifte seg att 1727 saman med

*Jørgen Olsen Velle* frå Karigarden (f. ca. 1698, d. 1766).

Br. 1726—1758.

Bygselbrev i 1726 frå Hans Møller på 4 mællag 1½ mrk.

Skiftebuet etter Jørgen i 1767 hadde 12 rdl. i brutto eige. Gjelden var 1 rdl.

Sonen

*Ole Jørgensen Brunstad* (f. 1732, d. 1763) g. 1757 m. Berte Jørgensdtr. Vik frå Lånagarden (f. 1733, d. 1808).

Br. 1758-1764.

Bygselsetel i 1758 frå Christopher Abelset på 1 våg.

Enkja Berte Jørgensdtr. gifte seg att 1765 med  
*Elling Pedersen Hole* frå Knutgarden (f. 1737, d. 1789).  
Br. 1704 -1790.

Bygselsetel i 1764 frå Christopher Abelset på 1 våg. Elling-Pedersen var lagrettemann.

Medan Elling sat som bygslar, skifte garden eigar. Dotter til Christopher Abelset, Anne Christophersdtr., ervde dette bruket. Ho gifte seg med handelsborger Johan Herman Høirup på Abelset, men med han gjekk det gale økonomisk, slik at han måtte selje gardane han hadde fått gjennom kona si. Han åtte 2 pd. 4 mrk. av Jørnbruket, og hadde overbygssel til resten, 1 pd. 3 mrk. Lars Nilssen Aurdal i Nilsgarden kjøpte dette i 1780.

Sonen til Elling Pedersen tok over bruket. Det var

*Ole Ellingsen Brunstad* (f. 1755, d. 1825) g. 1790 m. Anna Jørgensdtr. Velle frå Knutgarden f. 3764.

Br. 1790—1822.

Bygselbrev i 1790 frå Lars Nilssen Aurdal på 1 våg 7 mrk. Bruket vart i 1802 verdsett til 175 rdl.

Sonen

*Jørgen Olsen Brunstad* (f. 1798, d. 1876) g. 1822 m. Eline Petrine Hansdtr. Erstad (f. 1800, d. 1877).

Br. 1822—1868.

Bygselsetel i 1822 frå Lars Nilssen Aurdal. Kår til Ole Ellingsen og Anna Jørgensdtr. I 1832 kjøpte Jørgen Olsen hovudparten av bruket sitt, 2 pd. 15 mrk., for 190 spd. av Lars Larssen Erstad som i 1825 ervde det frå far sin, Lars Nilssen Aurdal. I 1836 kjøpte Jørgen resten av bruket, 16 mrk., av Ole Aagnesen Sjong for 7 spd. I Jørgen si tid var det også jordskifte på garden (1836). Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 1 våg 7 mrk., revidert til 2 skylddlr. 2 ort 17 skl. Jørnbruket som truleg har fått namnet sitt etter Jørgen Olsen, vart i 1664 rekna til 27 mål åker og dyrka mark, og 90 mål naturleg england, alt mindre godt. Buskapen i 1845 var 1 hest, 8 kyr, 14 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var 4 t. bl.korn, 4½ t. havre og 3 t. poteter. Jørgen braut m.a. opp Fonnastykket som bruket hadde på setra, og dit køyrde han gjødselen etter buskapen som var på setra sommarstida. Etter tradisjonen var Jørgen den første som hadde epletre på Brunstad. Han hadde ca. 40 tre som han hadde kjøpt i Hjørundfjord. Det var søteple, og dei bar så rikt med frukt at Jørnfolket fylte store bingar om hausten. Jørgen hadde også ei

stampe der han loa og stampa vevar. Elles tinga han bort husmaterial til bygdefolket.

Son til Jørgen tok over bruket. Det var

*Ole Andreas Jørgensen Brunstad* (f. 1835, d. 1910) g. 1861 m. Anne Ingebrigtsdtr. Brudevoll frå Jogarden (f. 1835, d. 1910).

Br. 1868—1897.

Born: Karl (f. 1858, d. 1922). Han voks opp hjå besteforeldra på Brudevoll. Var døvstum. Lærde seg til skreddar. Jensine f. 1862, d. ca. 1930. Peter f. 1864, g. på bruket. Johan f. 1868. Sjå Nygard, Brunstad bnr. 15. Karen Marie f. 1871 g. Kartum, Trondheim. Ingeborg Anna f. 1875. Busett i Trondheim.

Ole Andreas fekk skøyte på bruket i 1868 for 300 spd. og kår. I 1875 fødde dei på bruket 1 hest, 1 unghest, 5 kyr, 3 ungdyr, 11 sauer, 8 geiter og 1 gris. Til dette kom kårdyra til Jørgen og Eline: 3 kyr, 5 sauer og 2 geiter. Sånaden var 3 t. bl.korn, 5 t. havre, 4 t. poteter og 6 ar med rotfrukt. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda 2 dlr. 2 ort og 17 skl. revidert til 4,38 mark. I den siste tida Ole Andreas sat med bruket var det jordskifte på innmarka (1896). Sonen Johan fekk med seg ei stovelengd av huset (Litlestova) då han flytte til Nygard i Øyane på Brunstad (bnr. 15) og sette opp hus der.

Son til Ole Andreas tok over bruket. Det var

*Peter Andreas Olsen Brunstad* (f. 1864, d. 1955) g. 1896 m. Lovise Larsdtr. Riksheimgjerde (f. 1876, d. 1966;.

Br. 1897—1934.

Born: Ole f. 1897, g. på bruket. Utvs. nr. 256. Lars f. 1898, heimeverande arbeidsmann, poliomyelittskadd i hand og fot. Johan f. 1900. Utvs. nr. 254. Alfred f. 1903. Utvs. nr. 252. Martin f. 1906. Utvs. nr. 255. Line f. 1909, g.m. Jens Nordvik, Svartebekk. Petter f. 1911 g.l. m. Judit Dalen frå Rødven, g.2. m. Olga Aure f. Søvik. Sjå Straumgjerde bnr. 42. Åsta f. 1913 g.m. Harald Brudevoll. Jetmundgarden, bnr. 4. Signe f. 1916 g.m. Fridtjof F. Drabløs. Sjå under Straume bnr. 16. Hjalmar f. 1919 g.m. Kjellbjørg Rødal frå Tafjord. Sjå Straumgjerde bnr. 35. Laura f. 1921 g.m. Jon Hjortdal, Pegarden bnr. 1.

Skøyte på Jørnbruket i 1897 til Peter Andreas Olsen frå faren for 3000 kroner og kår. Peter la ned mykje arbeid på bruket, og braut ein del jord. Såleis var det Peter som dyrka Reinestykket som Jørnfolket føre siste jordskifte hadde nedafor gamle Sølmonhusa. Peter og Lovise fødde 1 hest, unghest, 8 mjølkekyr, 2—3



kviger og nokre sauer. Peter vølte både lòa og fjøsen. I yngre år dreiv han fiskja. Elles arbeidde han noko som bygningsmann. Han var serleg kjend fordi han dreiv mykje med stamping av vevar. Stampa som gjekk med vasskraft, stod ved kvernveita. Peter var mellom dei første som planta på Brunstad, og såleis ein av dei som laga plantefeltet på Slettene i 1894. Seinare planta Peter skog også andre stader på bruket,

Peter og Lovise var baa stillfarande og fredsæle menneske. Dei kom med i den store kristdege vekkinga som gjekk over bygda i 1880—1890, og høyrde senare til den flokken som hadde samlingsstaden sin i Magnuskyrkja. Sjå Grebstad bnr. 55.

Eldste sonen til Peter og Lovise tok over bruket. Det var

*Ole Petersen Brunstad* f. 1897 g. 1927 m. Inga Ellingsdtr. Hole frå Olagarden f. 1893.

Br. 1934—1967.

Born: Astrid f. 1927 g. på bruket. Nelly f. 1930. Svaksynt. Helga f. 1933 g.m. Olav P. Hole. Sjå Straume bnr. 43. Leikny f. 1933 g.m. Ivar Kristianslund. Bustad Aas.

Ole Petersen var i USA frå 1914 til 1922 (Utv. nr. 256) og tok seinare over bruket. Han bygde nytt stovehus i Jørngarden i 1929. Løa reiv han ned på murane og sette opp ny. Også Ole dyrka ein del jord, m.a. eit stykke i Nakkeberget på ca. 3 mål, dessutan 3 mål i Kvitlane, og 4 mål «hitta elva». Etter jordskiftet av utmarka i 1923, fekk Jørnbruket lagt eit stykke til innmarka. Av dette har Ole dyrka 4 mål. Han har planta 7—8 tusen gran, m.a. i marka heimafor setra og i Uttaelvstykket.

Då Ole Petersen Brunstad bygde nytt stovehus i 1929, innreidde han trevareverkstad i kjellaren, og dreiv seinare denne verkstaden i fleire år. Han bygde eit privat elektrisitetsverk i Brunstadelva. Dette verket var i drift nokre år.

Versonen

*Asmund Johnsen Berge* frå Oppstryn f. 1926 g. 1953 m. Astrid Olsdtr. Brunstad f. 1927-

Br. frå 1967.

Born: Ole Peter f. 1956. Jostein f. 1961.

Åsmund Berge har modernisert stovehuset, og elles halde fram med gardsdrifta. På bruket fôrar dei no 4 mjølkekyr, nokre ungdyr og 14 sauer. Arbeidet med skogplanting har også halde fram. Åsmund Berge har m.a. planta både i setremarka og i Tytebær-fonna. Elles har han kjøpt ein heil det moderne reiskapar, traktor,

forhaustar, transportband til løa m.m. Ved sida av arbeidet med bruket har Åsmund Berge arbeidt full dag på fabrikk.

#### SØLMONGARDEN bnr. 9.

Toregarden og Sølmgarden var truleg eitt bruk fram til 1750-åra då Jan Olsen Brunstad gav frå seg bygselen og garden vart delt. Halvparten som fekk namnet Sølmgarden, gjekk over til

*Salmund Jonsen Brudevoll* frå Jogarden (f. 1723, d. 1808) g. 1755 m. Kari Larsdtr. Kjemphol frå plassen Myra (f. 1728, d. 1803).

Br. ca. 1760—1791.

Bruket har fått namn etter Salmund. Første åra etter at han var gift budde han på Brudevoll, og det ser ut til at han kom til Brunstad ca. 1760. I 1768 var han komen i stor fattigdom og naud. Det var skattebyrdene som var så meir enn tunge i denne tida. Sjå også under Lyshol bnr. 3. Salmund gjekk over på kår i 1791. Då kom sonen

*Peder Salmundsen Brunstad* (f. Brudevoll 1756, d. 1820) g. 1791 m. Barbro Helgesdtr. Dravlaus frå Barbrogarden (f. 1754, d. 1835).

Br. 1791 — 1821.

Før han var gift tente han på Aurdal (f. 1783). Peder fekk bygselsetel i 1791 på 1 pd. 20 mrk. av syskenbarnet sitt, Lars Nilssen Aurdal, som hadde kjøpt dette bruket og jørnbruket i 1780 av Johan H. Høirup for 98 rdl. Sjå også Jørnbruket. Sølmonbruket vart i 1802 verdsett til 95 rdl.

Etter Peder Salmundsen kom:

*Peder Pedersen Holmøy* frå Nordfjord (f. 1788, d. 1851) g. 1819 m. Pernille Hansdtr. Navelsaker, frå Nordfjord (f. 1788, d. 1881).

Br. 1821 — 1847.

Han gav kår til Barbro Helgesdtr. frå 1821, men fekk bygselsetel først i 1828 frå Martinus Larssen Aurdal som i skiftet etter far sin Lars Nilsson i 1826 ervde dette bruket som då vart verdsett til 75 spd. Martinus selde bruket til verson sin, Ole Andreassen Velle i Jakobgarden i 1847. Bygslaren Peder Pedersen la av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett i 1837. Ved den nye skyld-settinga i 1838 vart den gamle skylda 1 pd. 19 $\frac{2}{3}$  mrk. revidert til 1 dlr. 1 ort 23 skl. På sine gamle dagar flytte enkja Pernille

Hansdtr. over til Magnus Jonsen Brunstad i Nakkeberget og budde der.

Son til Peder Pedersen tok over Sølmonbruket. Det var

*Hans Pedersen Brunstad* (f. 1823, d. 1853) g. 1847 m. Laurentze Andersdtr. Blindheim frå Hau-Ola-garden (f. 1823, d. 1898),  
Br. 1847—1855.

Born: Anne Pernille f. 1848 g.m. Knut Løddøen, Hornindal. Thomasine Petrine f. 1853 g.m. John Mathiassen Maurseth. Bustad: Raudeberg.

Hans Pedersen løyste ut Sølmonbruket i 1847 og fekk skøyte frå Ole Andreassen Velle for 310 spd. Men det vart hardt for Hans å greie dette løftet, og i 1852 måtte han selje garden til Ole Larssen Fet, seinare gift til Tøstengarden, Brunstad. Salsummen var 210 spd. Kort etter døydde Hans av tarmslyng. Enkja Laurentze Andersdtr. sat med bruket nokre år. Ho gifte seg atf 1855 med.

*Ole Martinus Knutsen Brunstad* frå Monsgarden (f. 1830, d. 1885).

Br. 1856—1884.

Born: Hansiane f. 1856, d. 1886. Hans f. 1859 g. på bruket. Karl f. 1861, d. ugift. Olave f. 1864 g.m. Lars Peter Nikolaisen Velle. Sjø Brunstad, bnr. 12.

Ole Knutsen fekk byggesetel frå Ole Larssen i Tøstengarden i 1856. Bruket vart i 1864 rekna til 18 mål dyrka åker og eng, og 50 mål naturleg england, alt mindre godt. Buskapen i 1875 var 2 unghestar, 6 kyr, 2 ungdyr, 13 sauer, 8 geiter og 1 gris. Til dette kom ei ku som Pernille Hansdtr. hadde i kår. Sånaden var 2 t. bl.korn, 3 t. havre, 4 t. poteter, og 4 ar med rotfrukt.

Sonen

*Hans Olsen Brunstad* (f. 1859, d. 1937) g. 1884 m. Beate Gurine Zakariasdtr. Langlo frå Nygarden på Ringstad (f. 1861, d. 1918).

Br. 1884—1918.

Born: Hanna f. 1887. Uts. nr. 211. Lovise Andrea f. 1891, d. 1909. Anne (f. 1896, d. 1910). Peter f. 1898. Uts. nr. 213. Gift på bruket. Petra f. 1900 g.m. Ole Hanssen Brudevoll. Bnr. 3. Harald f. 1906. Uts. nr. 212.

Hans Olsen kjøpte garden i 1887 av Ole Larssen Brunstad i Tøstengarden for 2000 kroner. I 1900 bygde Hans ny løe, og ny stove i 1918. Han la ned eit stort arbeid med nydyrking på bruket. På

hjellanne braut han 10 mål. Der var mykje stein og lite mold, men etter at Hans hadde rudt der for stein, køyrde han på store mengder med mold og fekk der gode atteleger. Han var den første på Brunstad som tok til å dyrke på Slettene, der han pløgde opp 4 mål. For å skaffe nok gjødning, la han løypestrenger frå Langhammaren ned til gjødselkjellaren og firde ned mold frå ei myr eit stykke lenger oppe, og laga kompost. Han førde også heim «kørje» (fiskeslo) frå Ålesund og brukte det til gjødsel. Hans var serleg interessert i hesteal, og hadde mange gilde hingstar. Hans Brunstad kom med i det store skogreisingsarbeidet på Brunstad i 1904, og planta m.a. ca. 8 mål på Slettene vest om elva, om lag der Sølmontunet kom etter jordskiftet i 1958.

Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda, 1 dlr. 1 ort 23 skl., revidert til 2,39 skyldmark. Ved denne tida vart Småhjellane bnr. 12 utskilt frå Sølmonbruket, og skylda gjekk då ned til 2,05 mark.

Son til Hans tok over Sølmongarden. Det var

*Peter Sigvard Hanssen Brunstad* (f- 1898, d. 1972) g. 1919 m. Bertha Severine Pedersdtr. Viddal frå Hjørundfjord (f 1898, d. 1972).

Br. 1918—1960.

Born: Borgny f. 1919 g.m. Jon Pettersen Ringstad, Stranda. Harry f. 1922 g. på bruket. Peder f. 1928, tannlækjar, g.m. Solveig Olafsdtr. Torp frå Onsøy, busett i Oslo. Sjå Brudevoll bnr. 3. Bjørg f. 1932 g.m. Sverre Sørensen frå Tromsøysund. Sjå Brudevoll bnr. 23.

Peter Hanssen fullførde stovebygget som far hans arbeidde med då han gav frå seg bruket i 1918. I 1923 løyste Peter ut garden og fekk skøyte for 4000 kroner og kår. Same året reiste han til USA for å tene midlar til kjøp og drift, og kom att i 1926. Uts. nr. 213. Han bygde om og utvida løa, støypte sementgolv i fjøsane, bygde køyrebru til løa, silokummar, pløgde om gamal voll og fulldyrka resten av bruket. I 1950 bygde han moderne grisehus, og dreiv med ca. 120 slaktegris og 8 alvspurker. Han dreiv også med sylvrev i 1930-åra. Slik far hans hadde vore, var også Peter svært interessert i hesteal, og han fôra fram fleire premihingstar. Han heldt fram med skogreisingsarbeidet på bruket, og planta ut ein heil del skog. Under det store jordskiftet på Brunstad i 1950-åra baud Peter Hanssen seg til å flytte «ut om elva». Dette førde til at Sølmonbruket saman med Tøsten- og Øyebuset kom til nye

tufter på vestsida av Brunstadelva. Her gjorde Peter og kona eit stort arbeid med nyreisinga saman med sonen

*Harry Peder Petersen Brunstad* f. 1922 g. 1955 m. Svanhild Sørensen frå Tromsøysund f. 1932.

Br. frå 1960.

Born: Sissel Beate f. 1956. Eli Reidun f. 1957. Paul Otto f. 1960. Heidi Petra f. 1962.

Harry Brunstad gjekk jordbruksskulen på Gjermundnes og arbeidde m.a. ei tid ved Norges Kjøtt- og Fleskesentral i Oslo. I 1950-åra gjekk han inn i arbeidet med gardsbruket saman med foreldra, og Harry og kona dreiv halve bruket til dei i 1960 tok over det heile. Det vart eit kjempearbeid og ein stor kostnad å rydje eit nytt bruk på flata på 108 mål. Av dette var det berre 17 mål som var dyrka tidlegare. Resten var pasmark, eller tilplanta med granskog. Ein stor del av skogen var over 50 år gamal, og såleis gild nytteskog. Det første dei gjorde, var å hogge bort skogen der husa skulle stå. Dermed hadde dei også nok tømmer til grovmaterialen både til stovehuset og løhuset. Moderne driftsbygning stod ferdig i 1961, og same året flytte dei inn i det nye stovehuset. Det er no dyrka 65 mål av bruket. I slutten av 1960-åra fødte dei 12 mjølkekyr og nokre ungdyr. For nokre år sidan slutta Harry Brunstad med mjølkeproduksjon og byrja med oppdrett av ungdyr som han sel som kalveferdige kviger. Han har no 25 slike ungdyr på bås.

I fleire år dreiv Harry Brunstad med mink. Han hadde ca. 1200 dyr. Arbeidet med garden og så mange dyr vart hardt, og arbeidet gav heller ikkje den innkoma som svara til innsatsen. Harry Brunstad har siste åra gått over til å arbeide full dag i møbelindustrien. Svanhild Brunstad er hjelpesjukepleiar ved Sykkylven Sjukeheim. Gardsarbeidet og stellet av ungdyra tar dei før og etter ordinær arbeidstid.

BØ-KNUTGARDEN bnr. 10.

*Ole Olsen Brunstad*, br. 15.—ca. 1635.

Han skatta av 2½ pd. I 1617 let han og Lars Ingebrigtsen i Jakobsgarden frå seg 1½ fjerdingsslag til ein Ole Olsen, truleg i Monsgarden bnr. 4. Mellom dei mange som fekk bot for ulovleg tiende i 1635 var også Ole Olsen i Bø-Knutgarden. Han var då svært gamal og utarma.

*Bendik Olsen Brunstad* f. ca. 1603, br. ca. 1635—ca. 1670.

Buskapen hans i 1658 var 1 hest, 6 kyr, 2 geiter, 4 sauer. I 1666 skatta han av 2 mællag, seinare av 2 mællag 3 mrk.

Etter Bendik kom

*Tormod Knutsen*, d. 1693 g.m. Ågot Olsdtr. (f. ca. 1667, d. 1740).

Br. ca. 1670—1693.

Han skatta av 2 mællag 3 mrk. Skiftebuet hans i 1693 hadde 38 rdl. i brutto eige. Gjelden var 17 rdl. Det er mogleg at enkja Ågot Olsdtr. sat att med eit lite stykke av bruket seinare. Det døydde ein husmann Per Iversen Brunstad i 1727, 64 år gamal. Det er uvisst om han har vore gift med Ågot. Men ho gifte seg att i 1736 med ein Ole Pedersen. Ho døydde som husmannskone i 1740, og i 1742 døydde Ole Pedersen som husmann, 40 år gamal. Då var det for lenge sidan komen ny brukar på hovudbruket. Det var

*Ole Pedersen* (f. ca. 1657, d. 1727).

Br. 1693—1728.

Han skatta av 2 mællag 3 mrk., og nya opp att bygselen frå Søren Madsen i 1720 på 2 mællag.

Etter Ole kom

*Jon Toresen Dravlaus* frå Toregarden (f. ca. 1706, d. 1749) g. 1. 1728 m. enkja Anna Torstensdtr. Brunstad (f. ca. 1653, d. 1732). Ho var truleg enkje etter Ole Pedersen. Jon vart gift 2. 1732 m. Marte Ellingsdtr. Kjemphol frå Stølen (f. ca. 1703, d. 1759).

Br. 1728--1750.

Bygselsetd på 2 mællag 1½ mrk. i 1728 frå Søren Madsen.

Enkja Marte Ellingsdtr. gifte seg att 1750 med

*Lars Jonsen Lade* frå Jogarden (f. 1721, d. 1773) g.2. 1760 m. Eli Larsdtr. Lien (Øvre) frå Stranda d. 1766.

Br. 1750—1767.

Skiftebuel etter Eli Larsdtr. i 1766 hadde 37 rdl. i brutto eige. Gjelden var 27 rdl.

Etter Lars Jonsen kom

*Halkjell Pedersen Ytterli* (f. ca. 1735, d. 1770) g. 1761 m. Kirsti Arnesdtr. Hauge, båe frå Norddalen (f. ca. 1722, d. 1775).

Br. 1767- 1773.

Bygselsetel i 1767 frå prostinne Anne Harboe på 2 mællag 7 mrk. Alt året etter at Halkjell var komen til Brunstad, hadde han fått svære økonomiske vanskar. Ikkje minst omframskatten var

hard. På Brunstad var det Halkjell og dessutan Elling i Toregarden og Salmund i Sølmongarden som kom i størst naud. Sjå også under Lyshol bnr. 3. Skiftebuet etter Halkjell i 1770 hadde 40 rdl. i brutto eige. Gjelden var 34 rdl.

Enkja Kirsti Arnesdtr. gifte seg att 1773 med

*Ole Jonsen Brunstad* (f. 1742, d. 1826) g.2. 1776 m. enkje Sylveig Ellingsdtr. (f. Tandstad, Pålgarden, 1731, d. 1781). Ho var enkje etter Steinar Knutsen Utgård. Ole Jonsen var truleg son til Jon Toresen som kom til dette bruket i 1728. Ole sat som brukar frå 1773 til ca. 1790. Etter tradisjonen skulle Ole vere innflyttar, og til dagleg bere namnet Låna-Ola. Men i åstadsaka mellom Velle og Brunstad i 1795, møtte Ole som vitne, og fortel då i retten at han var fødd og «oppdragen» på Brunstad og han har hatt gardsbruk her. Kanskje var det føremannen til Jon Toresen som var innflyttar.

Skiftebuet i 1782 etter Ole Jonsen si andrekone, Sylveig Ellingsdtr., var fallitt. Ole var kårmann i Bø-Knutgarden i 1801, men han enda sine dagar på legd.

Sverre Severinsen Brunstad (bnr. 2) fortel fylgjande soge som han har frå far sin;

«I Bø-Knutgarden budde der ein mann som heitte Ola. Han hadde kjøpt seg eit føl kring 1770 for å ale seg til ein hest. Ola hadde lite høy til følet. Det måtte for det meste leve på einekvistar. Dette gjekk slik at følet døydde, og det bar til på sjølve julekvelden. Ole visste ikkje noko anna å gjere med det enn å grave følet ned, og dermed skulle han vere ferdig med det. Nokre gutungar på garden tenkte noko anna. No ville dei spele Ole eit puss. Om kvelden skar dei ein lem av det daude følet, batt den i eit tog og gjekk opp på stovetaket til Ola. Der letta dei på skjolet (ljoren), og firte lemen ned i stova der Ola sat. Ola vart fælen, og tok det som ein straffedom frå Gud fordi han hadde sveltefora følet. Han tok då fram salmeboka og song: «O Herre Gud din Vrede avvend i Nåde». Då songen byrja, drog dei på taket i toget, og disterkare Ole song, di raskare hala dei opp. Ola trudde han hadde høyrte ein «tur» i lufta med det same følet smatt opp gjennom ljoren.

Ola skyna no likevel etter ei tid at det var gutar som hadde spela han eit puss. Bestefar min, Lars Salmundsen Brunstad, spurde Ola ein gong: «Var det slik at du såg eit syn ein gong?»

Ola svara: «Du skulle fått syn! Det var no desse «fante»far-brørne dine det også!»

Etter Ole kom det nye folk på bruket. Det var

*Knut Larssen Brunstad* frå Bøen bnr. 2 (f. 1759, d. 1813) g.1. 1783 m. Guri Sjursdtr. Aure frå Knutgarden bnr. 15 (f. 1751, d. 1791) g.2. 1792 m. Marte Ellingsdtr. Hjortdal frå Jørngarden (f. 1759, d. 1836).

Br. ca. 1790—1811.

Knut skatta av 1 pd. 19 $\frac{2}{3}$  mrk. i 1791. Etter Bø-Knut har tunet fått namn. Gardeigar no var Anders Davidsen Kremmergården (Kremmernes) som hadde kjøpt dette jordegodset på auksjon i 1776 for 39 rdl. 2 skl. Truleg var dette av Abelsegodset som Johan Herman Høirup hadde sett over styr. Dotter til Anders, Karen, åtte bruket ei tid frå 1789, men i 1796 selde Anders Davidsen det til Ørskog kyrkje for 80 rdl. I 1806 løyste bygslaren Knut Larssen ut bruket for 80 rdl., og vart sjølveigar. Han var lagrettemann i 1794, og skreiv med førd penn. Enkja Marte Ellingsdtr. (som elles hadde ei samnemnd syster i Toregarden på Brunstad) gifte seg opp att i 1814 med Lasse Torbjørnsen Grebstad og flytte til Pegarden. Skiftebuet etter førstekona Guri Sjursdtr. i 1791 hadde 39 rdl, i brutto eige. Gjelden var 13 rdl.

Sonen

*Jørgen Johannes Knutsen Brunstad* (f. 1784, d. 1852) g. 1814 m. Karen Pedersdtr. Brunstad frå Sølmongarden (f. 1792, d. 1850).

Br. 1811--1852.

Han løyste ut garden og fekk skøyte frå far sin i 1811 for 80 rdl. og sat som sjølveigar til 1836 då det vart jordskifte på Brunstad. Jørgen Johannes selde då bruket sitt for 120 spd. til brørne Lars og Ole Jakobssøner Synes på Vigra, og Jørgen Johannes fekk att bygselen på bruket. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på bruket, 1 pd. 19 $\frac{2}{3}$  mrk. revidert til 1 dlr. 1 ort 23 skl. Buskapen i 1845 var 1 hest, 6 kyr, 10 sauer og 2 geiter. Sånaden var 2 t. bl.korn, 2 t. havre og 1 t. poteter. Skiftebuet etter Karen Pedersdtr. i 1852 var fallitt.

Sonen

*Jørgen Andreas Johannessen Brunstad* (f. 1822, d. 1914) g. 1852 m. Anne Ingeborg Bastiansdtr. Aure frå Pihlgarden (f. 1827, d. 1911).

Br. 1852—1878.



Fosterson (systersen til Jørgen Andreas): Karl Johan f. 1853 g. på bruket.

Jørgen Andreas fekk bygselsetel i 1854 frå Lars og Ole Synes. Bruket vart i 1864 rekna til 18 mål dyrka åker og eng og 50 mål naturleg england. Alt fekk karakteren mindre godt. Buskapen i 1875 var 1 hest, 1 ungnest, 6 kyr, 2 ungdyr, 12 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var 2½ t. bl.korn, 2½ t. havre og 3 t. poteter. Jørgen Andreas sette opp nyt stovehus i Bø-Knutgarden, og dette huset var i bruk til 1971.

Syster til Jørgen Andreas, Karoline, fekk i 1853 ein son med Jon Olsen Ryste. Denne guten vart fostra opp av Anne Ingeborg og Jørgen Andreas, og då dei gjekk over på kår i 1878, let dei bruket over til denne fostersonen. Det var

*Karl Jonsen Brunstad* (f. 1853, d. 1881) g. 1878 m. *Jakobine Tomasine Jakobsdtr. Klokkehaug* (f. 1860, d. 1921).

Br. 1878—1886.

Born: Anna f. 1878 g.m. Johan Jakobsen Straumsheim. Sjø Straume, Larsgarden bnr. 3. Jens f. 1880. Utvs. nr. 226,

Karl Jonsen fekk bygselbrev i 1878 frå Lars og Ole Synes. Saman med fosterfar sin bygde han ny løe på bruket. Ved sida av arbeidet med garden dreiv han også fiske. Og på havet enda han sine dagar. Han bleiv 26. februar 1881. Jakobine dreiv bruket nokre år, og gifte seg opp att med

*Johan Hanssen Ekornes* (f. 1861 d. 1935).

Br. 1886—1935.

Born: Karoline f. 1885. Hans f. 1888. Utvs. nr. 216. Karl Johan f. 1893. Utvs. nr. 217. Nils f. 1897, brukte garden saman med systera Karoline. Anton f. 1900. Utvs. nr. 215.

Johan Hanssen fekk bygsel på bruket i 1886 frå Synesfamilien. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda 1 dlr. 1 ort 23 skl. revidert til 2,39 mark. Son til Johan, Karl Johan, løyste ut garden i 1913 for 2.600 kroner. Han var i USA, men kom heim i 1913. På heimvegen fekk han malaria, og døydde nokre veker seinare. Men garden ervde Bø-Knut-folket. Dottera

*Karoline Johansdtr. Brunstad* (f. 1885, d. 1966) fekk skifte-skøyte på bruket for 3.700 kroner i 1949. Ho hadde garden frå 1935 saman med bror sin *Nils Johansen Brunstad* (f. 1897, d. 1971). Men han vart brystsjuk i ung alder, og var i mange år på sju-

kehus. Siste åra var han så pass at han hjelpte til med arbeidet med bruket. Det vart Karoline som det meste av tida måtte gjere alt førefallande arbeid, på gard, i fjøs, på setra, og stå føre stellet i huset. Ho hjelpte også bror sin med stell og pleie.

#### TOREGARDEN bnr. 11.

*Lars Paulsen Velle* hadde ein liten plass på Velle i 1603. I 1615 fekk han 4 dlr. i bot fordi han ulovleg hadde teke bygsel på Sjur Brunstad si jord. (Bøen bnr. 2). Nokre år etter dukka Lars opp med eit nytt bruk som i nyare tid fekk namnet Toregarden. I 1635 vart Lars og mange andre i bygda melde for ulovleg tiende, og dei fekk bot. Lars hadde då «kornstall» saman med Lars Pedersen i Tøstengarden. Båe var utarma. Lars Paulsen skatta av eit bruk på 3½ mællag, og sat som brukar til 1645. Av alderdoms grunn gav han då frå seg bygselen til

*Hans Knutsen Vik*, truleg frå Lånagarden, f. ca. 1608.

Br. 1645 ca. 1690.

Han må ha hatt noko kapital, for han åtte noko jordegods, m. a. 2¼ mællag i Jakobgarden som dei to sønene hans, Elling og Sjur, tok over. Hans fødde i 1658 1 hest, 12 kyr, 4 geiter og 3 sauer.

*Helge Pedersen Brunstad* (f. ca. 1648, d. 1709) g.m. Anne Arnesdtr.

Br. ca. 1690—ca. 1715.

Helge var bror til Peder Pedersen i Tøstengarden, og Anne kan vere frå Monsgarden. Skiftebuet etter Helge i 1709 hadde 53 rdl. i brutto eige. Gjelden var 24 rdl.

Versonen

*Hans Sjursen Brunstad* frå Jakobgarden (f. ca. 1697, d. 1740) g.m. Anne Helgesdtr. Brunstad (f. ca. 1697, d. 1767).

Br. ca. 1715- 1741,

Bygselsetel frå Henning Castberg på 4¼ mællag i 1719, men Hans vart nemnd på bruket nokre år før. I 1718 fekk han ta over 2¼ mællag odelsods av Jakobgarden der verbror hans, Jakob Toresen, sat som brukar. Sjå denne.

Enkja etter Hans, Anne Helgesdtr., gifte seg opp att 1741 saman med *Jon Olsen Velle* (f. ca. 1709, il. 1755)

Bygselsetel i 1742 frå Christopher Abelset på 1 våg 13½

mrk. Seinare minka skylda til detle bruket. Garden vart truleg delt, og halvparten utskilt. Sjå Sølmongarden bnr. 9.

Son til Hans Sjursen og Anne Helgesdtr. tok over den delen som seinare fekk namnet Toregarden. Det var

*Eling Hanssen Brunstad* (f. 1728, d. etter 1795) g.m. Anna Persdtr. Hole frå Knutgarden, d. 1782, 57 år gamal.

Han skatta av 1 pd. 19 $\frac{2}{3}$  mrk. frå ca. 1750 til 1786.

Elling var soldat i 1751 då han fekk 4 mark i bot fordi han hadde sagt noko «uanstendig og ubluferdig» om Peder Olsen Søreberg og kona. 1760-åra var ein uvanleg byrdefull periode for bøndene. Den tunge ekstraskatten låg som ei mare over folket, og mange visste ikkje si arme råd korleis dei skulle greie utgiftene og samstundes skaffe mat. Ein Elling Brunstad var mellom dei som kom i yttarste naud, og det er truleg denne Elling Hanssen på dette bruket. Sjå også under Lyshol bnr. 3.

Elling møtte i retten som vitne i grensetvistsaka mellom Brunstad og Velle i 1795, og fortalde då at han hadde vore bonde på Brunstad i 39 år.

*Tore Olsen Velle* frå Toregarden (f. 1755, d. 1828) g. 1785 m. Eli Olsdtr. Hole frå Haugen bnr. 10 (f. 1749, d. 1827).

Br. 1786 1797.

Bygselsetel i 1786 frå Hans Knutsen Godøy på 1 pd. 20 mrk. Truleg var det dette jordegodset Hans Godøy kjøpte på auksjon i 1779 for 42 rdl. som ein part av den gamle Abelseteiga i Brunstad. Tore Olsen var lagrettemann. Bruket har fått namn etter han.

Eli hadde ein halvbror i Hau-Knutgarden på Lade. Det var son hans som tok over Toregarden:

*Knut Rasmussen Lade* (f. 1767, d. 1810) g.l. 1797 m. Marte Ellingsdtr. Hjortdal frå Jørngarden (f. 1765, d. 1801) ,g.2. 1802 m. Tyri Jørgensdtr. Fet frå Jørngarden (f. 1768, d. 1808) g.3. 1809 m. enkja Agnete Johannesdtr. Brunstad (f. Flo 1746, d. 1821). Sjå Gunnagarden.

Br. 1797—1811.

Bygselsetd i 1797 på 1 pd. 15 $\frac{2}{3}$  mrk. frå Hans Knutsen Godøy. Kår til Tore Olsen og kona. Skiftebuet etter førstekona Marte i 1801 hadde 90 rdl. i brutto eige. Gjelden var 13 rdl. Med siste kona si, Agnete, fekk han kårtyting frå Gunnagarden. Knut var tambur.

Bruket gjekk over til

*Guttorm Larssen Riksheim*, (frå ein gamal plass under Riksheimgjerdet f. 1772, d. 1822) g. 1811 m. Johanne Olsdtr. Haugset frå Reiten (f. 1777, d. 1838).

Br. 1811—1824,

Bygselsetel på 1 pd. 19 $\frac{2}{3}$  mrk. i 1811 frå Knut Hanssen Alnes som hadde ervt bruket frå far sin. Same året som Guttorm gifte seg, skaut han 2 bjørnar i Brunstadmarka. Han var lagrettemann i 1815. Eigaren Knut Hanssen vart enkjemann i 1820, og i skiftet i 1821 etter den avlidne kona Sisilie vart det halde takst over Torebruket på Brunstad. Ei tømra stovebygning som inneheldt ei røykstove med kove og med tak av never og torv vart verdsett til 30 spd. Halvdelen i ei høy- og kornløe som var «brøstfeldig» 8 spd. Ein tømra ku- og smalefjøs under eitt tak 6 spd. Eit gammalt sel av bjerketømmer i setra 1 spd. Jordvegen med åker, eng, mark og skog der dei fôrar 1 hest, 6 klavebundne og 14 smalar, og årleg sånad 3 t. havre, 1 t. halvbygg og «nogle potatos» vart verdsett til 90 spd. Det var borna til Knut og Sisilie Alnes som ervde dette bruket, og dei vert ber seinare nemnde berre som Alnesfamilien. Skiftebuet etter Guttorm i 1822 var fallitt.

Enkja Johanne Olsdtr. gifte seg att 1824 med sonen til den tidlegare brukaren Knut Rasmussen. Det var

*Jørgen Knutsen Brunstad* (f. 1799, d. 1866) g.2. 1839 m. Siri Tostensdtr. Brunstad frå Tøstengarden (f. 1809, d. ca. 1840 (?)) g.3. 1841 m. Karen Marie Syversdtr. Tjønes (f. 1817, d. 1908).

Br. 1824—1871.

Bygselsetel frå Alnesfamilien i 1829. I 1836 var det jordskifte på Brunstad. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda 1 pd. 19 $\frac{2}{3}$  mrk. revidert til 1 dlr. 1 ort 23 skl. Bruket vart i 1864 rekna til 18 mål dyrka åker og eng, og 50 mål naturleg england. Alt fekk karakteren mindre godt. Buskapen i 1865 var 1 hest, 6 kyr, 8 sauer og 4 geiter. Sånaden var 2 t. bl.korn, 3 t. havre og 2 t. poteter. Saman med eit par andre av gardbrukarane på Brunstad vart Jørgen i 1835 stemnd for retten i Tusvik. Karane var skulda for at dei hadde gjort dårleg vegarbeid på deira del av den Ålesundske hovudvegen. Dei innstemnde hevda at dei ikkje var uvillege, men arbeidet hadde så mange vanskar at dei fann det rettkome om dei fekk tilvist eit kortare stykke av vegen. For å spare utgiftene baud dei seg til å betale sakskostnadene no mot at saka vart trekt attende. Og dette vart tilrådd av retten.

Enkja Karen Marie Syversdtr. gifte seg att med enkjemannen Magnus Jonsen Brunstad i Jakobgarden i 1869, og dei flytte til Nakkeberget bnr. 7.

Son til Jørgen og Karen Marie tok over bruket. Det var

*Hans Karl Jørgensen Brunstad* (f. 1845, d. 1933) g. 1869 m. Ingeborg Olave Gurine Karolusdtr. Klokkehaug (f. 1845, d. 1924).

Br. 1871 — 1899, sidan halve bruket til 1912.

Born: Hans Karl hadde sonen Bernt f. 1868. Mor: Anne Larsdtr. Strømme. Sjø Straumsheim, Tueplassen bnr. 6.

Born i ekteskapet: Karl Johan f. 1870 g. på bruket. Johanne Marie (f. 1876, d. 1893).

Bygselsetel i 1871 frå Alnesfamilien. Kår til Karen Marie Syversdtr. I 1875 var buskapen 1 hest, 1 unghest, 4 kyr, 2 ungdyr,

1 okse, 6 sauer, 7 geiter. I tillegg kom kår-dyra 1 ku, 2 sauer og

2 geiter. Sånaden var 2½ t. bl.korn, 3 t. havre, 3 t. poteter og 2 ar med rotfrukt. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda 1 dlr. 1 ort 23 skl. revidert til 2,37 mark.

Hans Karl var ivrig jeger. Meisterskotet løyste han ein dag han kom fram på ein rypeflokk som sat på ein bakkekant. Dette skotet gav han 11 ryper, og det har gått gjeteord om det seinare.

Sonen

*Karl Johan Hanssen Brunstad* (f. 1870, d. 1940) g.m. Susanne Hastiansdtr. Velle Frå Askjellgarden (f. 1873, d. 1916).

Br. halve garden frå 1899—1912, sidan heile til 1941.

Born: Olivia f. 1897 g.m. Karl K. Brunstad i Nakkeberget bnr. 7. Anna 1 1899 g.m. Petter O. Hole. Øyegarden bnr. 7. Bastian f. 1902. Utvs. nr. 223. Lina f. 1904 g. på bruket. Johanne f. 1908 g.m. Ovid Skogvoll. Brunstad bnr. 28. Kasbara f. 1913 g.m. Harald J. Ekornes i Sevringarden bnr. 1.

Karl Johan Hanssen fekk bygselsetel på halve bruket frå Alnesfamilien i 1899. I 1912 løyste han ut heile bruket for 2.500 kroner og kår til foreldra. Karl Johan la ned mykje arbeid i Toregarden. Han bygde nytt lø hus kort etter at han hadde teke over bruket. I 1930 bygde han nytt stovehus. Elles var han mykje ute på dagarbeid, serleg som bygningsmann. I mange år vart han vald til å vere «vedmålar» ved meieriet i Velledalen. Med dette arbeidet fylgde retten til å få saupvatnet (vaskevatnet i kjerna) som folk nytta til husdyra. Men vedmålararen måtte årleg betale 8—12 kroner til meierikassa for å få denne føremonen.

Då Karl Johan døydde, ervde sonen Bastian i USA dette bruket, og han fekk heimelsbrev på det for 7000 kroner.

Versonen

*Paul Ingvald Pedersen Gausemel* frå Hornindal f. 1897 g. 1942 m. Lina Karlsdtr. Brunstad f. 1904, tok over drifta av bruket i 1942. Lina og systera Kasbara hadde då fått paktebrev på Toregarden i 1941 av bror sin Bastian i USA. Kasbara gifte seg til Ikornnes, og det vart Lina og Paul som dreiv garden vidare. Dei la seg serleg etter storfeal, og hadde i 1940—50 åra fleire mjølkekyr som utmerkte seg mellom dei beste i distriktet. Elles fødde dei 4 kyr, hest, eit par ungdyr og nokre sauer. Paul Gausemel rudde ein del ny jord og vølte på husa. Lina Gausemel fekk diplom frå Sunnmøre Meieri for godt mjølkestell. Ho var i mange år med i Velledalen blandakor.

Son hennar tok over bruket. Det var

*Svein Brudevoll* f. 1926 g. 1955 m. Leonarda Olsen frå Alta f. 1930.

Br. frå 1967.

Han arbeider på fabrikk, og paktar garden attåt. Dei siste åra har han rudd ca. 20 mål kulturbeite, og fôrar no 1 hest og 35 sauer. Han har også vølt husa og snudd om gamal voll.

SMÅHJELLANE bnr. 12. (+ 19 +20)

NAKKEBØEN bnr. 24.

Tunet vert i dagleg tale kalla Nakken. Største stykket av bruket, Småhjellane, vart utskilt frå Sølmgangarden i 1885 og fekk bnr. 12 med skyld 24 skl. rev 1890 til 0,34 mark.

Første brukaren her var

*Lars Peter Nikolaisen Velle* frå Askjellgarden (f. 1861, d. 1912) g. 1888 m. Olave Olsdtr. Brunstad frå Sølmgangarden (f. 1864, d. 1944).

Br. 1885—1924.

Born: Hans Olaus (f. 1889, d. 1925). Peter f. 1896 g. på bruket. Utvs. nr. 235. Lauritz (f. 1898, d. 1928). Vegarbeidar. Lovise (f. 1900, d. 1918). Ole (f. 1902, d. 1923). Johan (f. 1909, d. 1931).

Lars Peter og kona sat på bygsel første åra, men kjøpte så ut bruket (Småhjellane) av Ole Larssen Brunstad som åtte Sølmonbruket, for 800 kroner i 1893. I 1914 fekk Lars Peter kjøpe stykket Storforma, utskilt frå Gunnabruket same året, med skyld 0,06

mark, og dessutan stykket Øvstedalen utskilt frå Nygard bnr. 15 Med skyld 0,04 mark. Storforma bnr. 19 og Øvstedalen bnr. 20 vart så i 1924 slegne saman med bnr. 12 til eitt bruk med namnet Småhjellane bnr. 12 med skyld 0,44 mark.

Det var urudt på plassen då Lars Nikolai tok fatt. Han og Årsgjord-Peter-Andreas kjøpte kvar sin ende av den gamle Pålstova på Fet, og Lars køyrde sin del til Brunstad og sette seg opp stove på Småhjellane. Han bygde også løe. I sine velmaktsdagar dreiv han torskjefisleja om vintrane og var mykje i båtlaget til Bø-Jens på Vik. Seinare var han på bryggearbeid hjå brørne Bang i Ålesund, og dreiv elles dagarbeid med jordbryting og grøftegraving.

Sonen

*Peter Larssen Brunstad* (f. 1890, d. 1970) g. 1925 m. Anna Johansdtr. Hole frå Nakken (f. 1898, d. 1956).

Br. 1924—1966.

Born; Leif f. 1927 g.m. Grethe Kristiansen frå Molde. Han er journalist. Jon f. 1930 g. på bruket. Trygve f. 1932 g.m. Torunn Muldal frå Haugset. Bustad Aure bnr. 241. Oddhild f. 1934 g.m. Magnus Ødegård frå Skjåk. Bustad Brunstad, bnr. 40.

Peter Larssen måtte ut og tene 13 år gamal, først til Olagarden på Lade, seinare i Karigarden på Velle og Jørngarden på Hjortdal til han i 1914 reiste til USA der han for det meste arbeidde i skogen, han kom heim i 1921, og løyste ut bruket i 1924 for 1.500 kroner og kår til mor si. I 1950 kjøpte Peter eit større stykke som låg til bytes med Småhjellane. Dette stykket var frådelt Bø-Knut-bruket i 1920 med skyld 0,80 mark med namnet Nakkebø bnr. 24. Peter fekk skøyte på Nakkebø for 2.900 kroner frå Karoline Johansdtr. Brunstad.

Peter bygde nytt stovehus i 1930 og ny løe i 1956. Han arbeidde mykje med garden, og braut ein heil del jord. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv han vegarbeid, og var m.a. med på Hevsdalsvegen og på Herdalen. Han var arbeidsformann i 6 år.

Sonen

*Jon Petersen Brunstad* f. 1930 g. 1967 m. Turid Jensdtr. Norvik, Tusvik, f. 1936.

Br. frå 1966.

Born: Ronny f. 1970. Vegard f. 1973.

Jon Petersen har bygt om og modernisert stovehuset. Han har også dyrka ein del jord, og fôrar no 30 sauer. Jon Brunstad ar-

helder elles på fabrikk. Han er arbeidsformann ved Hj. Brunstads Fabrikker.

RABBEN bnr. 13.

Plass utskild frå Torebruket bnr. 13 i 1894 med skyld 0,40 mark. Første brukaren i Rabben var

*Martinus Johnsen Klokkehaug* frå Myra (f. på Tryggestad ca. 1822, d. 1894) g. 1854 m. *Marte Severine Sivertsdr. Tjønnes* frå Syvergarden bnr. 7 (f. 1831, d. ca. 1892).

Br. 1855-1892.

Born: *Johanne* f. 1852. *Lovise* f. 1850 g. på plassen. *Anne Marie* f. 1859 g.m. *Severin Petersen Velle* (Sjå Hjellane, plass under Gunnagarden bnr. 3.) *Karoline* f. 1861 g.m. *Bernhard J. Svendsen* frå Lødingen. Ho var over 101 år gamal då ho døydde i Lødingen. *Ole* f. 1868. Utsv. nr. 241. *Karl* f. 1870. Sjå Blindheim, Pe-Ola-plassen, bnr. 2.

Det var berre skog og stein i Rabben då *Martinus* fekk husmannsbrev på plassen i 1855 frå familien *Alnes* som då åtte Tøregarden. *Martinus* sette opp ei lita stove med fjøs i enden, og dei livberga ei geit første vinteren. Sommarhalvåret var *Martinus* mykje ute på dagarbeid, om vintrane dreiv han fiskja. Elles braut han og rudde plassen, slik at i 1875 hadde dei i Rabben 1 ku, 7 sauer, 9 geiter, og sånaden var 1 t. havre, 2 t. poteter og 2 ar med rotfrukt.

*Martinus* var flink å synge.

Versonen tok over Rabben. Det var

*Johan Kristensen Aure* (Skjerva, bnr. 2) (f. 1869 d. 1935) g. 1889 m. *Lovise Martinusdr. Brunstad* (f. 1856, d. 1936).

Br. 1892—1935.

Born: *Karen Marie* (f. 1889, d. 1898). *Severine (Sylla)* f. 1890 g.m. *Karl P. Fet* på Nybøen. *Johanne* f. 1894, tok over plassen. *Laura* f. 1900, tok over plassen.

*Johan* og *Lovise* var i Langevåg første 2—3 åra etter at dei var gifte. Dei fekk bygselsetel på plassen i 1892. I 1916 kjøpte *Johan* plassen for 750 kroner og fekk skøyte frå *Knut K. Slinning d.e. Hans Hanssen* og *Knut Jakobsen Alnes*. *Johan Kristensen* var ein svær arbeidskar. Han bygde stovehus og løhus, hakkebraut heile plassen og rudde han rein for stein. Ein del av steinen gjekk med i steingarden som kransar plassen. Om vint-



rane dreiv han fiskja. Seinare var det sjøbudarbeid (Bang-buda). Elles var han mykje ute på bygnings- og murararbeid. Og innmellom sysla han med skomakararbeid. Johan Kristensen fekk ord på seg for å vere flink til å trekke tenner, og han vart mykje nytta av både store og små som ville bli kvitt tannverken. Johan hadde ei stor tang og ei lita tang, og ville ikkje «rota ganga» med den vesle tanga, vart det. ein snunad når han kom med den store.

Johan og Lovise fødte 2 kyr og 4—5 sauer. Lovise var svært flink å synge, og både ho og mannen hen når var vyrde misjons-folk.

Dei hadde to døtrer som tok over bruket. Det var

*Johanne, Johansdtr. Brunstad* f. 1894 og

*Laura Johansdtr. Brunstad* f. 1900,

Br. frå 1935.

Saman med foreldra bygde dei på huset i 1935. Dei bala med onnearbeidet og fjøsstellet i 30—40 år, og det var t.d. somrar då dei slo med hand heile plassen. Dei fødte det meste av tida 2 kyr, 1 kalv og 4--5 sauer. Johanne har ved sida av arbeidet med plassen drive som syerske alt frå unge år, og i lang tid var ho «syerska» i Velledalen. Laura har vore mykje ute i tenester på ymse stader. Båe har dei gjort mykje for misjonsarbeidet. Dei er svært flinke å synge og har vore dei leiande i song- og musikklaget som soknar til bedehuset.

NYGARD bnr. 15.

Bruket vart utskilt frå Jakobgarden bnr. 6 i 1894 med skyld 1,62 mark. Første brukaren var

*Johan Olsen Brunstad* frå Jørngarden (f. 1868, d. 1959) g.m. Lovise Larsdtr. Seljehaug frå Stordal (f. 1870, d. 1951).

Br. 1894—1950.

Born: Lars f. 1898. Utvs. nr. 218. Ole f. 1900. Utvs. nr. 219. Arthur f. 1904 g. på bruket Johanne f. 1909 g.m. Johan Frisvold. Sjø Straume bnr. 24. Ovidie f. 1912. Ho har drive kafé.

Johan Olsen løyste ut stykket av Jakobgarden og fekk skøyte av eigaren Peter Olsen Utgård i 1894 for 1.200 kroner og kårtyting til Magnus Jonsen Brunstad og Thomasine Larsdtr. Brunstad. Deretter makeskifte Johan Olsen dette stykket som låg opp mot Jørnbyttet, med bror sin Peter Olsen, og fekk att eit stykke av Jørnbruket i Øyane. På dette stykket i Øyane bygde Johan

Olsen hus, både stove og løe, og bruket fekk namnet Nygard. Han braut opp heile stykket og la ned eit stort arbeid saman med kona si.

Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Johan med farging og persing av vevar, og hadde perse i kjellaren. Ofte vart han kalla berre for «Fargaren».

Sonen

*Arthur Johansen Brunstad* f. 1904 g. 1941 m. Ragna Marie Edvardsen frå Vågen, f. 1910.

Br. frå 1950.

Born: Lillian f. 1944 g.m. Arne Kjell Olsen frå Stavanger. Sjø Brunstad bnr. 52. Jarle Ernst f. 1945 g.m. Aslaug Sannes frå Molde. Egil f. 1948 maskinist, g.m. Evelyn Langlo frå Stranda. Arild f. 1954.

Arthur Johansen fekk skøyte på bruket i 1950 for 3.500 kroner og kår til foreldra. Han har modernisert stovehuset og bygd ny løe i 1967. Elles har han dyrka ein del jord. På bruket fødde dei 1 hest, 5—6 mjølkekyr, ungdyr og nokre sauer. I seinare år har buskapen vore 4 mjølkekyr, 5 ungdyr, 8—9 purker, ca. 30 slaktegris og 200 høns. I 1950-åra selde dei nokså mange kviger til livdyr. Før Arthur Brunstad tok over bruket, dreiv han vegarbeid.

Garden brukar han no saman med sonen

*Jarle Ernst Arthursen Brunstad* f. 1945 g. 1964 m. Aslaug Sannes frå Molde f. 1945. Dei bygde hus i 1972. Ved sida av arbeidet med bruket, driv Jarle Brunstad transportkøyring med bil.

Born: Kato f. 1971. Roger Inge f. 1972. Janet Anita f. 1974.

ØYE bnr. 18. (Sjå også bnr. 6).

Øye bnr. 18 vart utskilt frå Monsbruket bnr. 4 i 1906 med skyld 0,85 mark. Første brukaren var

*Ole Andreas Karolussen Brunstad* frå Monsgarden (f. 1849, d. 1918) g. 1879 m. Lovise Karoline Larsdtr. Tjønes frå Syvergarden (f. 1858, d. 1914).

Br. ca. 1880—1914.

Born: Lars Thomas f. 1876 g.m. Olivia Olsdtr. Uhren frå Sløgstad. Sjø Tjønes bnr. 8. Utvs. nr. 248. Karl Johan f. 1879 g. på bruket. Sjø også bnr. 6. Utvs. nr. 245. Peter Johan f. 1882 g. på bruket. Sjø også bnr. 6. Utvs. nr. 251. Marthe Thomasine f. 1885.

Busett Langevåg. Ole Peter Johan f. 1889. Utvs. nr. 250. Knut f. 1893. Utvs. nr. 246. Petra f. 1896 g.m. Andreas L. Riksheim. Sjø Tjønes bnr. 10. Konrad f. 1901. Utvs. nr. 247.

Ole Andreas sat først som husmann på bruket, og dreiv som skreddar attåt. I 1906 løyste han ut bruket av eigaren Andreas Iversen Røsvik for 900 kroner.

I 1904 kjøpte Ole Karolusen Jakobbruket til son sin Karl Johan som var i USA. Men han døydde i 1912. Jakobbruket vart no delt, og bror til Karl Johan, Peter Johan, løyste ut halvparten samstundes med at han tok over farsbruket Øye bnr. 6 etter skøyte i 1914 for 1.500 kroner og kår. Gjennom makeskifte med Peter Jenssen Brunstad i Gunnagarden fekk Peter Johan Olsen Brunstad dei to bruka liggjande byte i byte, og Jakobparten med bnr. 6 og Øye med bnr. 18 var slegne saman til eitt bruk, Øye bnr. 6. Sjø dette,

NEDREGARD bnr. 21 (Brua).

Nedregarel bnr. 21 vart utskilt frå Jakobbruket (bnr. 6) i 1914 med skyld 1,11 mark, men vart makeskift med eit stykke av Gunnabruket. Den første som busette seg på dette stykket av Gunnabruket var

*Karl Johan Karolussen Brunstad* (f. 1844, d. 1929) g.m. Ingeborg Larsdtr. Straume frå Jogarden (f. 1851, d. 1919). Sjø Brunstad, Monsgarden bnr. 4. Dei kjøpte den gamle Pålstova på Hjortdal og sette henne opp her, og Karl bygde også ei løe. På sine gamle dagar flytte Karl attende til Monsgarden. Stova selde han til Ole Bastian Knutsen Lade på Brudevoll bnr. 6.

Etter Karl kom sonen og busette seg på dette stykket. Det var

*Karl Johan Karlsen Brunstad* frå Monsgarden (f. 1881, d. 1937) g. 1914 m. Anna Jensine Olsdtr. Brunstad frå Tøstengarden (f. 1896).

Br. 1913- 1960.

Born: Ole Hjalmar f. 1914 g.m. Emilie Gaupholm. Sjø Brunstad br. 39. Kåre Yngve f. 1917 g.m. Johanne Søvik frå Søvikdal. Sjø Brunstad bnr. 42. Arne Jon f. 1920. Industriadbeidar. Bnr. 38. Jon 1 1923 g. på bruket. Kjell f. 1928 g. 1969 m. Ragnhild Pedersdtr. Berli frå Valldal. Brunstad bnr. 48.

Karl Karlsen gjekk i bygningslære før han i 1901 reiste til USA. Utvs. nr. 228. Då han kom heim, tok han over halvparten av det

som var att av det gamle Jakobbruket (bnr. 6) og fekk skøyte i 1914 frå enkja etter Karl Olsen Brunstad, Anna Larsdtr. f. Velle, for 2000 kroner. Karl Karlsen makeskifte dette stykket av Jakobgarden med eit stykke som Peter Jenssen Brunstad i Gunnagarden hadde i Øyane, og såleis kom Nedregard til å bli liggjande med byte ned til Daleelva. Her var den gamle brua over elva, og i dagleg tale fekk tunet etter kvart namnet Brua. Karl Karlsen flytte ned Jakobstova og sette opp nytt løhus. Han la ned mykje arbeid med jorddyrking på dette stykket som var urudt då han tok over. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Karl vegarbeid der han var arbeidsformann i mange år. Han hadde serleg god innsikt i minering, og under alle større sprengingsarbeid i denne tida var Karl Karlsen den sjølvskrivne leiaren. Han var også flink skarpskytter med rifle. Han skreiv sjølv Carl Carlsen Brunstad, og i grenda vart han til dagleg kalla berre C. C.

Sonen

*Jon Carlsen Brunstad* f. 1923 g. 1952 m. Oline Marie Edwardsdtr. Lie frå Straumsnes f. 1923.

Br. frå 1960.

Born: Anne f. 1952. Karl Egil f. 1954. Ingunn f. 1957. Oddny f. 1961.

Jon Carlsen gjekk landbruksskulen før han tok over bruket. I seinare år har han gått over til saueal. Han bygde nytt stovehus i 1955. No er han arbeidsformann på møbefabrikken som han har vore med og bygt opp saman med brørne sine. (Brødrene Brunstad Møbelfabrikk)

BAKKETUN bnr. 28 (Skogvoll Trevarefabrikk).

Tomta vart utskild frå Jørnbruket bnr. 8 i 1948 med skyld 0,01 mark. Skøyte frå Peter A. O. Brunstad i 1948 til Ovid Skogvoll (sjå bnr. 31). Han sette same året opp

*Skogvoll Trevarefabrikk*. Året etter bygde han på huset ei ny høg. Ovid Skogvoll hadde 2—3 mann i arbeid, og første tida laga dei hjul, sleder, vogner og andre gardsreiskapar. Seinare gjekk dei over til å lage treverk til stolar, og dører. Frå 1960-åra vart det slutt med fabrikkverksemda. Ovid Skogvoll tok seg arbeid som maskinsnikkar på ein fabrikk, men syslar framleis med eigen produksjon om kveldane og i fritida elles.

AUSTBØ bnr. 29.

Austbø er eit jordstykke i Nakkeberget, og vart utskilt frå Monsbruket bnr. 4 i 1949 med skyld 0,22 mark.

Kaspar Karlsen Nakkeberg frå bnr. 7 f. 1924 kjøpte dette stykket som også har hamnerett etter skylda både i heimehamna og seterhamna. Kaspar gjekk landbruks.skulen på Gjermundnes i 1945. I 1950-åra dreiv han planteskule på Austbø. Han sette opp drivhus i 1964 og utvida drifta med eit veksthus i plast seinare. Det er serleg utsettingsplanter han driv fram, kålplanter, tomatplanter, og dessutan prydplanter av ymse sortar. I 1959 bygde han løe på stykket, og fôrar no ca. 30 sauer. Han slår ein del gras på bruk i grannelaget som ikkje vert drivne for fullt. I 1961 gjekk han eit veterinærkurs og fekk utdanning som seminteknikar. Han har seinare hatt Sykkylven som distrikt.

SKOGVOLL bnr. 31.

Tomt utskild frå Torebruket bnr. 11 i 1950 med skyld 0,01 mark. Skøyte i 1951 frå Bastian K. Brunstad til verbroren

*Ovid Meier Skogvoll* frå Leiranger (no Steigen) f. 1912 g. 1938 m. Johanna Bastianne Karlsdtr. Brunstad frå Toregarden bnr. 11, f. 1908.

Born: Sigrunn f. 1939 g. 1962 m. Reidar Martinsen frå Selbakk ved Fredrikstad. Marit f. 1941 g. 1964 m. Jan Marsten frå Kristiansund. Kjell Olav f. 1948. Sjå nedafor. Jan Ove f. 1954.

Ovid Skogvoll kom til Sykkylven som jordbruksarbeidar i 1930-åra, arbeidde seinare i industrien. I 1949 byrja han med eigen trevarefabrikk. Sjå bnr. 28.

Eigedomen Skogvoll bnr. 31 har han no saman med sonen

*Kjell Olav Ovidsen Skogvoll* f. 1948 g. 1968 m. Liv Marie Vollset frå Sunnylvn f. 1948.

Born: Kjell Arild f. 1969, Sindre f. 1970.

Kjell Skogvoll arbeider som maskinkøyrar.

EIVHEIM bnr. 34.

Tomt utskild frå Øye bnr. 6 i 1951 saman med skyld 0,01 mark.

*Johan Skogvoll* frå Leiranger (no Steigen) f. 1917 g. 1950 med Oddbjørg Petersdtr. Brunstad frå Øyegarden bnr. 6, f. 1917.

Barn: Petter Karsten f. 1954 g. 1974 m. Vibeke Skarbø frå Brattvåg.

Johan og Oddbjørg Skogvoll bygde stovehus i 1950, og utvida huset i 1966. Dei har sett opp uthus, og fôrar 3—4 sauer. Dei har også bygt eit drivhus der dei driv fram utsettingsplantar både for grønsakhagar og prydhagar. Johan Skogvoll har hovudyrket sitt i industrien, og arbeider som maskinsnikkar. Oddbjørg Skogvoll har kunstmaling som hobby.

BRUATUN bnr. 35.

Tomt utskild frå Nedregard (Bruagarden) bnr. 21 i 1951 med skyld 0,01 mark.

*Ole C. Brunstad* frå bnr. 21, f. 1914 g. 1936 m. Emilie Gaupholm frå Samnanger f. 1906.

Born: Aud f. 1936, handelsutdanning, no økonomisekretær i «Redd Barna», busett Oslo. Liv f. 1938 g.m. Aadne Utvik, kjemi-ingeniør, frå Avaldsnes. Kari f. 1944 g.m. Tor Larssen, muskar, frå Oslo. Busett Skedsmo. Kirsten f. 1946 g.m. Svein Karlsen Eidem, siviløkonom, frå Fauske Ytre bnr. 1. Busett Oslo.

Ole C. Brunstad bygde hus på denne tomte i 1955. Han har drive fabrikkverksemd frå 1930-åra, først margarinfabrikk, seinare møbelproduksjon. Sjå bnr. 37 og 39. Emilie Brunstad er utdana meierske frå Vikøy Meieri i Nordheimsund, og kom som meierske til Velledalen Meieri i 1934.

ELVETUN bnr. 37. ODDEVASSTUNET bnr. 39.

Tomtene ligg ned til Velledalselva ved den gamle Brunstadbrua på vestsida av gardsvegen. Båe tomtene er utskilde frå Nedregard bnr. 21, Elvetun i 1958 og Oddevasstunet i 1959, kvar med 0,01 mark i skyld. Oddevasstunet har namn etter ein stor stein i Velledalselva, Oddevasssteinen, som etter tradisjonen var til hjelp i gamle dagar i ferdsla over elva.

*Sykkylven Margarinfabrikk* vart skipa i 1935 av Karl Johan Karlsen Brunstad (C. C. Brunstad) (sjå bnr. 21) saman med Ole Petersen Brunstad i Jørngarden bnr. 8. Karl H. Brudevoll og sonen Harald Brudevoll i Jetmundgarden bnr. 4. Dei bygde hus her, og dreiv produksjon av margarin. Då C. C. Brunstad døydde i 1937, vart produksjonslaget løyst opp, og Anna Olsdtr. Brunstad,

enkja etter C. C. Brunstad, tok over huset med maskinar. Sonen Ole C. Brunstad og kona Emilie heldt fram med smørproduksjonen i åra som fylgde, men så kom okkupasjonen i 1940, og det vart vanskar med å skaffe råstoff til margarinen. Kvoten vart mindre og mindre, og i 1942 overlét dei kvoten sin til Norma Margarinfabrikk i Ålesund. Ole C. Brunstad saman med syskenbarnet Konrad Olsen Brunstad frå Monsgarden bnr. 4 byrja då å lage møblar og skipa

*Brunstad Møbelfabrikk* i 1942. Kort tid etter brann huset ned til grunnen. Dei to karane leigde då kjellarlokale i huset til Peter H. Brunstad i Sølmgarden bnr. 9, og heldt fram med møbelproduksjonen der. Etter nokre år skilde dei lag. Ole C. Brunstad bygde opp att huset som brann ned ved Brunstad-brua, og gav no verksemda namnet

*Ole C. Brunstad Møbelverkstad*. Frå 1947 heldt produksjonen av møblar fram her. Etter kvart kom fleire og fleire av Ole sine yngre brør aktivt med i produksjonen, og i 1950-åra gjekk alle fem syskena om å skipe firmaet

*Brødrene Brunstad Møbelfabrikk A/S*, med yngste broren Kjell C. Brunstad som disponent. (Bnr. 48). I 1963 sette firmaet opp ny, stor fabrikk i betong. Produksjonen var stoppa møblar, og det arbeidde ca. 40 personar ved verksemda då det var på det meste i 1960-åra. Konkursar i firma der Brødrene Brunstad hadde større pengesummar til gode, førde til tap for denne verksemda. Dette skapte driftvanskar som etter kvart auka. I 1973 var verksemda fallitt, og drifta stogga,

LUNHEIM bnr. 38.

Tomt utskild frå Tøstenbruket bnr. 1 i 1959 med skyld 0,01 mark.

*Arne C. Brunstad* frå Nedregard bnr. 21 (Bruagarden) kjøpte denne tomte. Han tok over stovehuset som far hans hadde bygt på Nedregard bnr. 21, og drog det på rullar over gardsvegen og vestover til den nye tomte der han lyfte huset opp på nye grunnmurar. Arne C. Brunstad arbeidde første tida etter konfirmasjonen som dreng, m.a. i Askjellgarden på Velle, og gjekk seinare over til arbeid i industrien. Han vart i 1950-åra medeigar i Brødrene Brunstad Møbelfabrikk. Sjå bnr. 37 og 39.

BAKKKTUN bnr. 40.

Tomt utskild frå Småhjellane (Nakken) brn. 12 i 1960 med skyld 0,01 mark.

*Magnus Ødegård* frå Skjåk f. 1933 g. 1958 med Oddhild Petrine Petersdtr. Brunstad frå Nakken bnr. 12, f. 1934, bygde hus i 1961.

Born: Ståle Peter f. 1959. Anne Merete f. 1960. Laila f. 1961. Arnljot f. 1964. Guro Irene f. 1967.

Magnus Ødegård arbeider i møbelindustrien.

NYTUN bnr. 42.

Tomt utskild frå Nedregard bnr. 21 i 1961 med skyld 0,01 mark.

*Kåre C. Brunstad* frå Nedregard bnr. 21, f. 1917 g. 1962 m. Johanne Kaspars Margit Søvik frå Søvikdal f. 1925, bygde hus i 1961. Han har arbeidd i møbelindustrien og var frå 1950-åra medeigar i Brødrene Brunstad Møbelfabrikk A/S. Sjå bnr. 37 og 39.

NYTUN bnr. 43,

*Leiv Grimstad* frå Straumsnes (f. 1924, d. 1974) g.m. Karen Sæternes frå Fræna f. 1930, bygde hus i 1964. Han var industriarbeidar.

Born: Andreas f. 1951. Gerd f. 1954. Sonja f. 1957. Mariell f. 1968.

Bnr. 45.

*Kjetil Brunstad* frå Øyegarden bnr. 6, f. 1946, son til Sara Petersdtr. Brunstad, fekk ei tomt av Øyebruket brn. 6. Etter flyttinga av Øyetunet i 1960-åra, tok Kjetil over gamlehuset i Øye og drog det ca. 50 meter vestover til tomte si der han sette huset på nye murar. Kjetil Brunstad arbeider i industrien.

SOLTUN bnr. 48.

*Kjell C. Brunstad* frå Nedregard bnr. 21, f. 1928 g. 1969 m. Ragnhild Petersdtr. Berli frå Vallidal f. 1945, bygde hus i 1966.

Born: Helga f. 1969. Ann Kristin f. 1971. Janne f. 1973.

Kjell C. Brunstad var disponent for firmaet Brødrene Brunstad Møbelfabrikk A/S som han dreiv saman med dei fire brørne sine. Sjå bnr. 37 og 39. Han driv også firmaet Brunstad Handel som m.a. fører møbelstoff.



SOLTUN bnr. 50.

*Ivar Johan Edvardsen Lie* frå Straumsnes f. 1925 g. 1963 m. Synnøve Pedersdtr. Korsbrekke frå Sunnylvn f. 1931, bygde hus i 1967.

Born: Inger Marie f. 1963. Edvard f. 1966.

Ivar Lie arbeidde på båtbyggeri til 1954. Seinare har han hatt arbeid i møbelindustrien. Han er no maskinsnikkar.

ELVHEIM bnr. 52.

Tomt av Nygard bnr. 15.

*Lillian Arthursdtr. Olsen* f. Brunstad 1944 frå Nygard bnr. 15, bygde hus i 1970. Ho arbeider som husmorvikar i Sykkylven.

Born: Dan André f. 1965. Bjørn f. 1971.

## **Fet, gnr. 33.** [\(Til innhald\)](#)

Namnet har vore skrive på mange måtar ned gjennom tida, t.d. Fitte i 1603, Fitenn i 1606, Fittenn i 1616, Fiitt, Fett i 1723. Elles finn ein forma Fitem i ei skatteliste for leidangen i 1624, Fux i eit skatteregister frå 1633, Fitt i ei tiendeliste frå 1636 og Fidt i 1675. Frå først på 1200-talet har ein den latiniserte forma Fetil (sjå under Eigarar). Denne forma dukkar også opp i kyrkjeboka i 1721 då «Ole Nielsen Fetil» bar dottera Johanne til dåpen. Elles var det forma Fedt som vart mest brukt både i 1700- og 1800-åra. Denne forma vert framleis nytta av mange som familienamn. Sjølve garden ber i dag namnet Fet.

Fet grensar i nord til Straumsheim si utmark på vestsida av Fitjavatnet. (I dagleg tala kalla Fikjavatnet). I aust går bytelina over Storelva i Båtøya mot Dravlaus si slåttemark opp til riksvegen. Om lag frå Fitjabrua fylgjer bytelina stort sett langs Storelva, men Dravlaus har eit stykke også vest for elva nedanfor Fitjabrua, og Fet eig ei remse sør om elva på Dravlaussida lenger oppe. Så vikjer grensa mot Dravlaus over Storelva att og går ovanfor Dravlaus sine tegar til ho møter Velle si utmark, og vidare rett til fjells.

Etter tradisjonen har Dravlaus sine tegar på vestsida av Storelva i eldre tid vore Fet sin eigedom og ein lut av Fet sine tegar, men vart makeskift med Dravlaus mot setrehamn i Ladalen.

Tuna på Fet ligg under Fitjabakkane ved den søre enden av Fitjavatnet på vestsida av Velledalen med bratte fjellgarden over: Trollkyrkjetindane på nordvestre flanke. Blåbretinden med Blå-breen rett over, og Storhornet, også kalla Geita, på søre flanke. Det er fonnhevt under desse fjella. Frå Blåbrefjellet nærast Storhornet går Blåfonna. Så fylgjer Austavindsfonna, og deretter «Styttå». Gamlefolket på garden spådde veret etter desse fonnene. Blåfonna vart rett og slett kalla Solskinsfonna, for når ho gjekk, var det solskin i vente. Austavindsfonna fortalde sitt.

Det låg også i namnet «Styttå» som ofte losnar i godversbolkar, kunne melde om både godver og våtver. Ho kom som slept or ein sekk. Sildra det vatn i fonnafaret etter at sjølv snøfonna hadde gått, varsla det regn. Stogga fonna like brått som ho losna, utan vatn etterpå, sa folk at «Styttå» turka. Det tydde godver.

Frå Ingebærtinden vest for Blåbreen losnar Ingebærfonna. Etter segna har fonna og tinden namn etter ei kvinne som heitte Ingebær. Ho kom under Svartedauden fjellovergangen frå Trandal i Hjørundfjord til Fet. På ei kor vis hadde ho mist råsa. Ingebær vart teken av fonna, og der let ho livet. Ho vart gravlagd på ein stad som den dag i dag ber namnet Kyrkjegarden. Det er ei grøn, vakker slette som ligg ovafor skogavakset der dei to fremste elvagreinene frå Blåbreen renn i hop.

Både Ingebærfonna og «Styttå» kan år om anna kome med stor tyngd. «Styttå» har retning mot Åragjerdet, og når ho kjem så langt, legg ho flatt alt som heiter skog. Då Peter Andreas Ingebrigtsen Fet i 1880-åra flytte til Åragjerdet (sjå under Pålbruket), tok han omsyn til fonnfaren frå «Styttå» og sette huset sitt att og opp i skråninga av Remen. Ingebærfonna tar ei meir sørleg retning, og er heller ikkje til å spøkje med når ho bryt laust. Dei gamle har fortalt at ein gong kom fonna så langt ned at folk kunne stå i tunet på Fet og sjå runen av fonnenden på Fitja-bakkane, og svivelen var så sterk at han tok skjolet av Hansstova.

Elvane frå Blåbreen og fjella rundt samlar seg i Blåbreelva som i eldre tid ofte vart kalla Vasselva. Ho svell svært opp i flaum, og har ofte gjort skade både i Åragjerdet og på bømarka lenger nede. Fleire gonger har oppsitjarane laga vernemurar mot flaumen. Verste flaumen i manns minne var 23. sept. 1948. Då gjorde elva stor skade på fleire stader. I den nedre delen mot vatnet tok ho nytt laup. Eit større forbyggingsarbeid kom no i gang. Elvelaupet vart laga djupare, dei sette opp vernemur på bae sider og bygde ny betongbru. Dette har stått mot naturkreftene til denne tid.

Storelva som kjem ned Velledalen, har også vore ein stor og farleg fiende i flaum, serleg om hausten. Ho stangar mot Fitja-bakkane i Stien, og bøyer så i ein stor sving på skrå over dalbotnen. I storflaum ligg ho hardt på i denne svingen. Ned gjennom tida har elva både tidt og ofte teke seg nytt laup, og truga med å ta beinvegen mot Fitjavatnet tvert over bøane. Dette førde til at karane på Fet i 1912 tok opp eit kjempearbeid med elve-

forbygging. Dei laga vernemur frå Stien til Fitjavatnet, og på andre sida frå Gjerdehaugen til Fitjavatnet. Sjølv om dei fekk stats- og kommunetilskot, kosta det stor innsats frå oppsitjarane si side, ikkje minst i form av slit for både hestar og folk.

Fet er ein gamal gard. Fleire forvitnelege funn i jorda stadfester dette. Under graving på ymse stader i tunet og bøen har dei kome ned på eit lag med kol i noko over ein meters djupn. Kollaget har ei slik vidd at det faktisk kan sjå ut til at det var vore ein brann i terrenget som er blitt svidd av. Men det har vore langt attende i tida. Verdt er det å nemne at like langt attende har det ferdast folk i terrenget. Kanskje var det dei første fastbuande på Fot som svidde av skogen for å så kom i den moldblanda oska. Undervisningsleiar Jostein Fet fekk utført ei vitskapleg gransking av kolet for å finne alderen på det, og resultatet synte at brannen hadde vore ca. 400 år før Kristus. Ein må såleis kunne rekne med at det har butt folk på Fet i ca. 2.500 år. Eit anna interessant funn på Fet gjorde skulestyrar Johan Neset då han grov veite for vassleiinga til huset sitt. Like vest for stova støyte han på ei steinrøys ca. 1 meter nede i jorda. Under steinrøysa låg det eit lag med kol, og dessutan restar av bein. Neset sende prøver av funnet m.a. til Sverige for å få granska alderen. Svaret han fekk, gjekk ut på at beina var av ei kvinne i 40-årsalderen. Ho hadde levt i lida rundt Kristi fødsel. Vidare har Ole Johan Fet funne eit flintstykke og ei kole av grjotstein. Elles har Ole Iversen Fot funne eit einegga sverd ca. 50 meter nord for gamlestova i Jogarden og dessutan har dei funne ei halv handkvern i Løken som renn ned over bøen.

Soga fortel at på 1200-talet hadde hertug Skule Bårdson sysselmannen Sigurd Fetil på Fet. Sjå elles under Eigarar. Det vil vere rimeleg å tru at Fet då måtte vere å rekne som ein hovdinggard, og i god skikk og drift. Men så kjem tiendepenninglista frå 1520 utan eit einaste namn frå Fet. Det kan tyde på at garden låg øyde etter Svartedauden. I første delen av 1600-åra var det 4 bruk på Fet, men det auka til 5 frå ca. 1630. Slik var det heilt ut 1870-åra då det vart 6 bruk, og etter ca. 1900 7 bruk.

Første offentlege jordskiftet ein kjenner til på Fet var i 1833 med overjordskifte i 1834. Men skal ein døme etter skylda på dei ymse bruka, har det vore ei form for jordskifte også kring 1750. Tidlegare hadde det vore skilnad på bruksstorleiken, men frå 1750-åra fekk alle bruka som var då, lik skyld, og dette stod ved lag

til den nye skylda kom i 1890 då det vart gjort små endringar. Jordskiftet i 1833 som soreriskrivar Krogh styrde, må ha vore etter måten nokså radikalt. Truleg har Fet som andre gardar vore nokså småbytt, men etter jordskifta i 1833 og 1834 vart kvart av bruka på berre 3—4 teigar på sjølve bøen. Slik stod det til det kom nytt jordskifte i 1927, denne gongen på både innmark og utmark, med overjordskifte i 1928. Då fekk kvart av bruka sitt stykke av bøen i ein teig.

Fet var etter gamalt rekna som ein årviss korngard. Gamleåkrane låg frå tunet og austover. Mest alle bruka hadde åker her, og åkrane bar namnet «Fløten». Hansbruket hadde 2 åkrar her. Den eine låg fram mot den noverande gardsvegen til Fet. Det var Hans-Fløten. Nedafor Fløteveita låg kåråkeren til Pålbruket, og bar det merkelege namnet Munnharpestokken. Det er mogleg at det er f o r m a på åkeren som har gitt han namn. Lenger nede på bøen og nærare Storelva låg Storestykket. Der hadde Jo-, Pål- og Jørnbruket åkrar, men ikkje Nils- og Hansbruket. Pålfolket hadde her Itleveåkeren, og Jørnbruket hadde Ækrå, Myråkeren og Rundåkeren. I den veldige flaumen i sept. 1948 som er nemnt tidlegare, var Rundåkeren den einaste staden på denne delen av Fitjabøen som stod over vatn.

Hans- og Nilsbruket hadde det mesle av åkrane sine opp og ned langs elva sør for der fabrikk til Magnar Fet er bygd no. Her hadde Nils-bruket m.a. Styrkå-åkeren som gjekk ned til Løken.

Som truskereiskap gjekk tust og skeidd or bruk i siste halvparten av 1800-åra. Ingen på Fet hugsar slike reiskap i bruk, men dei fleste vaksne minnest at dei hang i løene. Etter tradisjonen var det Gamle-Lars-Petter i Nilsgarden (g. 1851) som kom til gards med den første truskemaskinen, og det kom folk heilt «utta bygda» for å sjå på denne vidundermaskinen. For å drage maskinen sette dei opp vasshjul og leidde vatn frå Blåbreelva til drivkraft. Nilshjulet stod ova gamleløa, med snor til maskinen i løa. Seinare tok dei kvernkallen i elva i bruk, og hadde snor derifrå til eit drivhjul i løa, og så atter snor til truskemaskinen. Jørnfolket hadde ein vassdam like nord for stabburet i Nilsgarden, og med truskehjul neda Nilsstova. Vatnet gjekk såleis tvers gjennom tunet på Fet, for det meste etter vegen, og rann ut i Løken. Pålbruket hadde hjulet sitt ved Blåbreelva like ova den gamle Jøløa, med snor til låven. Jobruket hadde vasshjulet ved sida av Pålhjulet. Hansfolket

tok ut vatnet der Jobruket hadde kvernhus, og leidde vatnet ned til vasshjulet som stod tett ovafor løa. Ein gong laga det seg slik at Hansfolket skulle truske same dagen som Jofolket skulle male. Og så vart det strid om vatnet. Det vart brukt gode argument frå bae sider, til Jo-mannen fekk siste ordet: «Å truske er ei bisak, men å male er ei nødssak».

Etter gamalt var det 4 kvernar på Fet. Dei stod alle ved Blå-breelva. Hanskverna stod nedst, og «mol best». Ca. 30 meter ovafor kom Nilskverna som framleis står. Ho «stend onde enj bakkje, og mæle åt enj rakkje». Så fylgde Jo- og Pålkverna. Ho «mæle åt 5 mæ' hine stend». Denne kverna er enno i stand. Ein merkar seg at desse to bruka har kvern . Sjå bruk A. Lengst oppe i elva og ovafor brua til Åregjerdet stod Jørnkverna. «E mæle skinnfellar og flukser», sa ho !

Under siste heimskrigen auka korndyrkinga, men folk hadde ikkje lov til å male korn til eigen bruk utan tilmålte løyver. Difor vart også kvernane stengde, og forseгла. Men seglet på Jo- og Pål-kverna var slik at med litt lirking kunne ein få det både av og på. I alle høve sveiv kvernsteinane både tidt og ofte, og kverna sanna si gamle regle: «E mæle åt 5 mæ' hine stend».

No er det på Fet, som på dei fleste andre gardane i bygda, lite eller inkje att av kornåkrar.

Heilt fram til 1950-åra dreiv brukarane på Fet med småhøyslått. Dei hadde slätte både sør for Fitjabakkane i Tegane, nord for Fitjabakkane i Gjerda på vestsida av vatnet, og oppe på bakkane i Åragjerdet. Bruka hadde kvar sine utmarksløyer både i Tegane og i Gjerda, men frå Åragjerdet køyrde dei høyet heim etter kvart som det vart turt. Frå Gjerda køyrde dei høyet heim over isen. Var isen år om anna utrygg for så tunge skapningar som hesten, sette karane isbrodder på beina, og drog sjølve.

Mykje av denne slåttemarka vart etter kvart dyrka, både i Tegane og i Åragjerdet. Elles brukte dei det som var att til kulturbeite. På den nordre luten av Fitjabakkane, Ytstebakkane., hadde garden moldtak med sams veg. Dette moldtaket vart delt under jordskiftet i 1928.

Ovafor bømarka og småhøymarka hadde garden hamn for feet. Hamna strekte seg heilt frå bytet mot Straumsheim til bytet mot Velle, og hamna vart rekna til å vere «meget god i enhver henseende», heiter det i matrikkelførebuinga frå 1864. Ofte kom det framande og leigde seg hamn for bufeet sitt på Fet. Opp mot

skogavakset øvst på Langeremen har Fet også hatt ei seter i eldre tid. Staden ber framleis namnet Høgsetra, og like ved ligg Høgseterhammaren. Murar etter sel syner att, og dei har funne kol i jorda og restar etter ei jarngryte. Nord for Ljoselva som renn ut i Fitjavnatnet, er det ein stad som ber namnet Stølen. Det kan også ha vore ei seter i eldre tid.

I denne hamnemarka ligg også Fet sine skogteigar. Det er serleg i øvre delen av hamna at beste skogen ligg. Så langstrakt som hamna er, har bruka på garden kvar sine teigar i dei ymse felta, slik at til saman har kvart bruk både 5 og 6 skogteigar. Det veks bra med bjerk, og dei har no meir lauvskog enn som trengst til eige bruk, men skogen er ikkje så lett å få til gards. Jordskiftet i 1928 røyvde ikkje så mykje korkje ved hamnegangen eller skogteigane. Det er stort sett som før. Men det er utlagt eit felt på sørsida av Fitjabakkane til skogplanting, og der har kvart bruk sin teig. Om det har vore flaumsag i eldre tid på Fet, er noko uvisst. Men ein stad utafor Kvernhusbakken ber namnet Tollabordvollen, og det kan tyde på at det har stått flaumsag her. I seinare tid hadde Nilsfolket og Jørnfolket på Fet ei sag, men no er også den nedlagd.

Setra til Fet ligg i Ladalen og ber namnet Fitjastølen, og ligg til bytes med Dravlaus si seter. I 1798 vart det gjort ei semje mellom Fet og Dravlaus «om vor hidtil i Gællig havende Sætre mark». Det heiter m.a. her at «Græsgangen på Sæteren skal, naar Hjemmustølen undtages, som for enhver i sær er indhegnet, ligesom tilforn være fælles for begge Gaarde». Men skogen vart delt mellom gardane med byttesteinar med Dravlaus som eigar på nordsida av bytet og Fet på Sørsida. Men Dravlaus held seg att rett til, slik som før, å slå høy i setreutmarka jamvel på dei stadene der skogen høyrer til Fet.

Setretida varde ca. 12 veker, men seterdrifta slutta alt i 1940-åra. Dei fleste oppsitjarane har likevel halde sela bra i stand. Mange har i seinare år bygt seg hytter kring stølen. Under arbeid med tomtene har dei kome fram på restar etter både tjørehjellar og jarnblåstrar.

Det gamle fellestunet på Fet låg stort sett i sentrum av den tunskipnaden garden har i dag. Ole M. Fet brukar uttrykket «framme i tomte» når han fortel om kvar Nakke-Ingeborg-stova stod. (Sjå under Åragjerdet). Tomtene, også kalla tuftene, låg utta stabburet i Nilsgarden, og ut frå dette sentret har tunet vida

seg ut over det vesle høgdedraget under Fitjabakkane der folket på Fet alt frå gamal tid har funne det føremålstenleg å setje bu, kanskje ikkje minst med tanke på flaumfaren.

Første steinbrua over Storelva var det Brunstad-Magnus som sette opp først i 1880-åra. Tidlegare hadde dei hatt ei bru berre av runde stokkar. Ny bru i betong kom i 1958. Det var Helge Fedt som bygde henne. Gardsvegen til Fet kom med i det offentlege vegnettet i 1906.

Viktigaste næringsgrunnlaget på Fet var åkerbruk og feal, slik som på dei fleste andre gardane i bygda. Etter siste heimskrigen har åkerbruket gått sterkt tilbake, men storfehaldet fekk ein glansperiode i 1950-åra. Brukarane ol seg til gilde buskapar, og la mykje arbeid på rydding av kulturbeite og sterkare fôring. Dei fleste bruk har hatt følmerrar, for å skøyte til med inntekta dei kunne gi. Fram til 1910—1920 var det vanleg at dei fleste vaksne mannfolk dreiv fiskja, serleg etter torsk. Brukarane hadde naust eller lut i naust i Straumgjerde, og ein kan i generasjonar bakover fylgje desse ættene som serleg merkte seg ut som dugande på sjøen. Det var også fleire av desse karane som miste livet under dette arbeidet, anten bleiv på havet, eller vart sjuke etter frost og slit, og let livet slik. Serleg etter 1900-årsskiftet var det mange unge som drog til USA. Somme kom heim og løyste ut garden, andre sette bu i USA for godt.

Fisket i Fitjavatnet etter laks og kre har ikkje alltid gitt så stort utbytte, men det har ofte gitt den store spanande opplevinga for den heldige fiskaren ned gjennom tida, og for somme også eit kjærkome tilskot til middagsmaten. Mengda kunne variere frå 40 laksar på 2 notkast, slik «Løke-Ole» var med på i sine gutedagar (Sunnmp. 30. des. 1953) til bomkast og svarte garn. Frå 1944 har det vore sett ut ikkje reint lite lakseyngel i vassdraget, og dette arbeidet har synt gode resultat og gitt betre fiske også i Fitjavatnet.

Det gamle næringsgrunnlaget på Fet har likevel endra seg mykje dei siste 40 åra. Industrireisinga har gjort at dei fleste har funne større inntekt på fabrikkene og i anleggsarbeid enn dei kunne oppnå på bruket. Fet hadde først i 1970-åra 3 fabrikkar. Av dei var det 2 trevarefabrikkar og 1 møbelfabrikk. No er det gardane som har vorte ei attåttnæring, og industrien huvudnæringa.. Men tuna ligg der som før, og bøane. Kanskje er den tida nærare enn nokon veit då spørsmålet etter mat og ny grøde også kjem til



våre grender att, og då kan ein seie med den gamle bonden i Jo-garden:  
«Å truske er ei bisak. Men å male er ei nødssak.»

#### EIGARAR.

Først på 1200-talet hadde hertug Skule Bårdson sysselmann på Fet (Sigurd Fetil. Sjå «Sykk. i eldre tid I», s. 305). Det tyder på at garden har vore krongods alt frå så lang tid attende. Seinare gir Fredrik II., konge i Danmark og Norge 1559—1588, lovnad til «Niels Lauridtzen, vor Mand och Tiener udi forgangen Feide», at han skal få den årlege landskylda og leidangen av m.a. «Kronens Gaard kaldet Fedt» til fritt bruk utan tyngde og avgift som vederlag for skade fienden hadde gjort på godset hans. Feiden det her er sikta til, kan vere Sjuårskrigen 1563—1570, og i fall det er Fet i Sykkylven det gjeld, har garden framleis vore krongods. Først på 1600-talet var likevel Fet komen over til Rosenkrantzgodset som frå 1620-åra meir og meir gjekk over til den rike borgarmeisteren i Bergen, Rasmus Larsen Stud. Sjå også under Grebstad gnr. 7, s. 142. Frå han gjekk Fet over til dottera Margrete gift med Henning Hansen Smith, fut på Giske. Margrete vart seinare gift att med prost Hierman i Borgund. I slutten av 1670-åra går Fet over til Lars Olsen Abelset. Sonen Ole Larssen Abelset fekk hand om garden i 1690-åra. Ole døydde i 1710, og det vart sonen Jens Olsen Abelset som ervde den største parten av Fet, og vart mestmann med råderett over bygselen. I skiftet etter Jens som døydde ugift i 1754, gjekk parten hans, 2 våger 18 mrk. over til broren Cliristopher Olsen Abelset som truleg har hatt part i garden frå før. Christopher vart eigar av heile Fet til han døydde i 1764. I 1769 fekk Lars Jonsen Fet i Hansgarden skøyte på bruket sitt, og vart sjølveigar. Resten av Fet gjekk i arv frå Christopher Abelset til sonen Christen Møller Abelset g.m. Birgitte Brandal. Han stod som eigar av 4 våger  $14\frac{2}{5}$  mrk. i Fet til han døydde i 1799. Enkja Birgitte døydde nokre år seinare. Dei hadde ikkje born, og ervingane etter dei, mellom dei proprietær Nils Mechlenborg g.m. Christen si brordotter Margrethe Marie Henningsdtr. Abelset, selde så i 1806 resten av det dei åtte i Fet. Meir om dette under dei einskilde bruk.

#### MATRIKKELGARDEN.

Etter skatteordninga i 1648 vart alle gardar med 4 våger fiskeleige rekna som heil gard, og måtte betale skatt etter det. Fet med sine 5 våger fiskeleige kom såleis i skatteklasse med heilgardar. Landkommisjonen frå 1061 førde likevel Fet opp som halvgard. Det er difor noko uklart kva klasse Fet har stått i, men mest truleg har Fet skatta som full gard i eldre tid. I 1626 var skylda 5 våger fiskeleige, og slik heldt ho seg til den nye skyldsettinga i 1666 auka skylda til 5 våger 18 mrk. Denne skylda stod til ny skyld kom i 1838 med 13 skylddalar 2 ort 12 skilling. Ved førearbeidet i 1864 til ny skyld att, heiter det i ein merknad frå matrikkelkommisjonen: «Som det (er) erfaret er jordsmonnet på gaarden Fet af god og tildels meget god beskaffenhed, godt beliggende og fortræffelig letbrukt. Derimot er gaarden udsat for flombrud då et større elvedrag under svingingen truer med skade og må omhyggeligen forbygges.» Då den nye skylda kom i 1890, syntte ho små innbyrdes skilnader på dei fem bruka, frå 4,66 mark som det minste til 4,75 mark som det høgste. Til saman fekk Fet 23,54 mark i skyld.

Leidangen av Fet var 1 geitskinn og 7 kalvskinn i 1600-åra fram til 1666 då leidangen vart auka til 2 geitskinn og 3 kalvskinn. I 1705 var leidangen 3 ort, og i 1717 auka til 1 rdl. 1 mrk. 14 skl.

Tienda av Fet var i 1666 6½, t. havre ½ t. bygg og 1 våg ½ pd. ost. I 1717 var tienda om lag uendra.

#### OPPLYSNINGAR OM GARDEN.

1626: Då var der 4 mann. Sår 16 t. korn.

1644: 5 mann.

1658: 5 mann. Skattar av 5 hestar, 57 kyr, 25 geiter, 48 sauer og 4 oksar. 1666: 5 mann. Sår 19 t. korn, avlar 70 t. Fôrar 5 hestar og 64 naut. Brennefang.

1717: 5 mann. Sår 17 t. havre 3½ t. bygg. Avlar 65 t. havre og 11 t. bygg. Fôrar 5 hestar og 52 naut. 4 små bekke-kvernar, kvar taksert til 8 skilling (avgift). Brennefang.

1724: 5 mann. Sår 2½ t. bygg og 16 t. havre. Avlar 10 t. bygg og 60 t. havre. Nok skog. Seter, 4 kvernar. Lettvunnen til høy, viss til korn. Årlege elvebrot.

1791: 5 mann, 4 kvernar.

- 1802: 5 mann. «Det fornødne Brændefang haves med megen Besværlighet!» Sommarbeite til buskapen både i utmarka og i seterdalen som høyrer til garden. Nokså årviss kornavling. Det trengst 6 vaksne arbeidsfolk til å drive kvart bruk,
- 1845: 5 mann. Sår 15 t. bl.korn, 22½ t. havre, 7½ t. poteter. Fôrar 5 hestar, 45 kyr, 70 sauer og 20 geiter.
- 1864: Hamnegangen er god på alle måtar. Brukarane har skog til brennefang, men ikkje skogsprodukt å selje. Garden ligg ulagleg til med omsyn til vegsamband, men er mykje lettbrukt.
- 1865: Buskapen rekna til 5 hestar, 55 kyr, 100 sauer, 20 geiter og 2 svin.
- 1875: 5 brukarar som fôrar 5 hestar, 4 unggøyer, 2 oksar, 47 kyr, 17 ungdyr, 132 sauer og 2 svin. Sånad: 2½ t. bygg, 16½ t. bl.korn, 21½ t. havre, 10½ t. poteter og 12 ar med rotfrukt.

#### BRUKARAR. NILSGARDEN bnr. 1.

*Nils*, nemnd på bruket første gang i skattelista 1606. Han sat med garden til ca. 1618. Nils la 1 mæle korn i tiend i 1617. Enkja etter Nils dreiv bruket 1618—1620 då ho truleg har gift seg opp att med *Knut Jonsen*. Br. ca. 1620—1644, sidan halve bruket til ca. 1650.

Knut la 2 mæle korn i tiende i 1636, og skatta av eit bruk på 5 mællag. .Det var det største på Fet. Styksonen tok truleg over garden.

*Jakob Nilssen Fet* (f. ca. 1606, d. etter 1675).

Br. 2½ mællag, halve garden, 1644—1650, sidan heile til ca. 1678.

Han gifte seg i 1644, men namnet på kona hans er ukjent. Jakob la kvegskatt i 1658 av 1 hest, 12 kyr, 4 geiter, 6 sauer og 1 okse.

I 1655 var Jakob ein av dei mange bøndene frå Sykkylven som futen stemnde til tings fordi dei ikkje hadde møtt fram for å skyssje «voris gunstige br. stadsherris (Ove Bjelke) . . . då hans vel-bårenhed reiste seneste frå Østeråd ok til Bergen . . .». Same året

melde Jakob Nilssen og Jon i Hansgarden brukaren i Ellinggarden på Dravlaus for nokre uvenlege ord han skulle ha sagt om dei vedkomande ein hest som dei hadde køyrt opp frå vatnet. Men Amund nekta «hårdelig» på det. Futen spurde då ålmugen om nokon visste anna enn det som ærleg og godt var om Jon og Jakob. Ingen visste om anna å seie. Futen varsla då at ingen måtte driste seg til å tale mot Jon og Jakob anna enn som sømde seg, dersom dei ikkje ville straffast etterlova.

Son til Jakob tok over bruket. Det var

*Nils Jakobsen Fet* (f. 1644, d. 1708) g.m. Eli Olsdtr. d. etter 1708.

Br. 1678—ca. 1706.

Nils skatta av heile bruket som no vart rekna til 1 våg 1 mællag og 5 mrk. fiskel. I 1693 vart han og Ingebrigt Hole stenmd for retten av ørskogpresten Troels Krogh fordi dei ikkje kom og skyssa han, og dei måtte ut med bot. Eldste son til Nils, Jakob Nilssen, var soldat i 1701, men han må ha døydd kort tid etter. I skattemanntalet for 1705 står det at bruket var øyde. Skiftebuet etter Nils i 1708 hadde 62 rd. i brutto eige. Gjelden var 6 rdl. Buskapen var 6 kyr, 5 kviger, 3 kalvar og 1 hest. I buet er det m.a. også rekna opp smedverktøy.

Nest eldste sonen til Nils og Eli tok over bruket. Det var

*Ole Nilsen Fet* (f. ca. 1677, d. 1732) gift, men enkjemann alt i 1711. Gift opp att seinare.

Br. 1700—1732.

Ole skatta av heile bruket til 1715 då bror hans, Elling Nilsen, f. ca. 1692, fekk bygselsetel på 2 mællag av garden. Men om Elling høyrer ein ikkje noko meir. Alt i 1717 har Ole heile bruket att, og får nya opp att bygselen på 5 mællag 5 mrk. i 1720 av Paul Abelset.

Etter Ole kom

*Lars Olsen Brunstad* frå Gunnagarden (f. ca. 1701, d. 1774) g. 1734 med enkja Johanne Nilsdtr. (f. Holt i Stordal) ca. 1689, d. 1764). Ho var truleg enkje etter føremannen på bruket, Ole Nilssen.

Bygselsetel i 1733 frå Jens Abelset på 5 mællag 4½ mrk. som Lars Olsen brukte til ca. 1757. Han var lagrettemann i 1739. Skiftebuet etter Lars i 1774 hadde 30 rdl. i brutto eige. Gjelden var 6 rdl. Han hadde ikkje born, og bruket gjekk over til brordottera frå Indre Tandstad og hennar mann. Det var

*Ola Salmundsen Brunstad* frå Bøen (f. 1729, d. 1798) g. 1757 m. *Gunnhild Ingebrigtsdtr. Øgaard* (d.v.s. *Indre Tandstad*) (f. 1737, d. 1814).

Br. 1757—1795.

I Ole si første tid som brukar på Fet vert matrikkelskylda på bruka på garden jamna ut. Skylda på Nilsbruket minka frå 1 våg 1 mællag og 5 mrk. til 1 våg og  $3\frac{3}{5}$  mrk. Same skylda får dei andre bruka på Fet Ole Salmundsen var lagrettemann i 1769. Skiftebuet etter kårenkja *Gunnhild Ingebrigtsdtr.* i 1815 hadde 51 rdl. i brutto eige. Gjelden var 26 rdl.

Sonen

*Lars Olsen Fet* (f. 1766, d. 1838) g. 1795 m. *Berte Pedersdtr. Hundeide* f. 1769.

Br. 1795 -1812, sidan halve bruket.

Bygselsetel i 1795 på 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk. frå *Christen Møller Abelset*. I 1802 sådde *Lars*  $3\frac{1}{2}$  t. havre, 1 t. bl.korn. Buskapen var 9 storfe, 1 hest og 20 småfe, og bruket vart verdsett til 170 rdl. I *Lars Olsen* si brukstid kom garden på sal. I 1806 vart det sett opp testamente mellom enkja etter *Christen Møller Abelset*, *Birgitte Brandal*, og dei andre ervingane. Alt året etter kom den gamle Abelsetparten av Fet over på nye eigarar. *Nils Mecblenborg* og dei andre ervingane selde Nilsbruket med bygsel og landskyld og hus for 160 riksbankdalar til *Ole Larssen Dravlaus* i Ellinggarden. Han selde vidare i 1812 til bygslaren *Lars Olsen Fet* for 800 riksbankdalar. *Lars* måtte gi seljaren ein obligasjon på 500 riksbankdalar mot pant i garden for å greie kjøpet. I 1814 fekk han og nokre andre sykkylvingar mulkt for ulovleg handel med eit par bergensskipperar som truleg hadde lege med skipa sine i ei eller anna vik i Sykkylvsfjorden og kjøpt opp fisk og landmannsvarer, m.a. poteter.

*Lars* selde i 1819 halve bruket til sonen

*Ole Larssen Fet* (f. 1799, d. 1830) g. 1820 m. *Ingeborg Andrine Salmundsdtr. Brunstad* frå Bøen (f. 1796, d. 1847).

Br. halve bruket 1819—1830.

Skøyte til *Ole Larssen* frå far hans på 1 pd.  $13\frac{3}{4}$  mrk. for 60 spd. Ole la av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett i 1827. Skiftebuet etter Ole hadde 178 spd. i brutto eige. Gjelden var 98 spd.

Enkja *Ingeborg Salmundsdtr.* gifte seg att i 1832 med

*Hans Larssen Andeberg* frå Stranda (f. 1796, d. 1878).

Br. 1832—1856.

Ingeborg Salmundsdr. med sonen frå første ekteskap, Lars Peter, fekk halve bruket i arv etter Ole Larssen. Den andre halvparten løyste Hans Larssen av gamlemannen i Nilsgarden, Lars Olsen, og fekk skøyte i 1835 for 144 spd. I 1833 hadde det vore jordskifte på Fet med overjordskifte i 1834. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda som stod oppført med 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk., no endra til 2 dlr. 3 ort 12 skl. På bruket fødde dei i 1845 1 hest, 9 kyr, 14 sauer og 4 geiter. Sånaden var 3 l. bl.korn,  $4\frac{1}{2}$  t. havre og  $1\frac{1}{2}$  t. poteter.

Då Hans og Ingeborg løyste ut bruket, måtte dei på lånemarknaden for å greie det. Dessutan selde Hans kårrett av 2 pd. 6 mark. fiskeleige i Nilsbruket til ungkar Karolus Eriksen Aure. Det vart gjort slikt stundom for å reise kapital. Men Hans og Ingeborg vann over dei økonomiske vanskane. Skiftebuet etter Ingeborg Salmundsdr. i 1849 synte ei brutto eige på 437 spd. Gjelden var 77 spd.

Son til Ingeborg frå første ekteskap tok over bruket. Det var

*Lars Peter Olsen Fet* (Gamle-Lars-Peter) (f. 1826, d. 1913) g. 1851 m. Marte Gurine Petersdr. Straumsheim frå Nymarka (Andersgarden) (f. 1830, d. 1878).

Br. 1856—1878.

Barn: Inger f. 1856 g. på bruket.

Lars Peter hadde ervt ein part av Nilsbruket alt i 1830 då far hans døydde. Resten løyste han ut i 1856 av Hans Larssen for 170 spd. og kår. Nilsbruket var i 1864 på 40 mål dyrka jord og eng av god kvalitet, og 71 mål godt, naturleg england. I 1875 var buskapen 1 hest, 1 unghest, 9 kyr, 2 ungfe, 24 sauer og 1 gris. Kårmannen Hans Larssen hadde dessutan 1 ku og 4 sauer. Sånaden på bruket var  $\frac{1}{4}$  t. bygg,  $3\frac{1}{2}$  t. bl.korn, 4 t. havre og 2 t. poteter.

Gamle-Lars-Peter byrja alt tidleg å handle med bondevarer, og dreiv m.a. Trondheimshandel. Men med handelen gjekk det dårleg. Gong på gong måtte han låne pengar, m. a. av Hans Petersen Aure (Aure-Hans) og garden stod i pant. Det såg nokså vonlaust ut. Men Lars Peter heldt det gåande til 1878. Etter tradisjonen var grunnen til at det gjekk skeivt med Lars Peter og handelen den at Lars Peter var slik ein godmodig og venelsken kar. Det var smått stell med kontantar mellom folk flest den tida, og når folk kom som måtte ha varer men ikkje hadde pengar, så

hadde ikkje Lars Peter hjarte til å vise dei tomhendte bort. Dei fekk «på krita». Slik fekk han etter kvart mykje uteståande pengar, og alt for mykje såg han aldri att. Dette var det som drog Lars Peter til nabben.

Elles hadde han innsikt i mange gjeremål. Han var såleis ein vide kjend «kukledokter». Etter tradisjonen var han flink til å stelle med sår, svollfingrar, og han trekte også tenner. Dessutan dreiv han med årelating. Bjørneveidar var han også. Første bjørnen tok Jørn-Ole og han med «gilder» (sjølvskot) i 1844 i utmarka til Velle. Dei siste to bjørnane tok han i Gjævestrande der Jens Gjævenes og han hadde eit gilder saman. Elles var Lars Peter kjend for styrken sin, og han var god å ty til om det spurdest etter ein mann til å skilje sinte karar som brynte i hop for å tukte kvarandre. Kort tid før han gav frå seg bruket, bygde han nye hus i Nilsgarden, både stovehus og løhus. Han braut seg også opp eit stykke utmark på Ytstebakkane. Det vart seinare kårstykket hans, eller «Gjerdet hans godfar», som det vart kalla.

Versonen

*Lars Peter Guttormsen Hole* frå Olagarden (f. 1853, d. 1908) g.1. 1875 m. Inger Larsdtr. Fet (f. 1856, d. 1883) g.2. 1885 m. Karoline Olsdtr. Kurset (f. 1855, d. 1915).

Br. 1878—1909.

Born, 1. ekteskap: Ole f. 1876, skomakar. Sjå Tandstad Mellom, Solvika bnr. 6. Marte Lovise (f. 1878, d. 1910). Busett Klokkehaug, Myrane. Peter Severin f. 1881, g. på bruket. Anna (f. 1883, d. 1955) g.m. Kristian Bårdsgjerde, Ørskog.

Born, 2. ekteskap: Inger f. 1889 g.m. Ole Karlsen Brunstad (Nakkeberget) Sjå også Hole, Nygarden. Berte f. 1891, meierske, g.m. Ole Severinsen Brudevoll. Sjå Utvs. nr. 376 og 207. Lauritz f. 1897. Utvs. nr. 377.

Lars Peter Guttormsen gjekk til dagleg under namnet Unge-Lars-Peter. Han fekk skøyte på bruket i 1878 for 4000 kroner. Men garden var framleis nokså gjeldbunden, og Unge-Lars-Peter sleit lenge under trugsmål om tvangsauksjon. Ein obligasjon frå Lars Peter til Aure-Hans i 1883 på 1160 kroner med pant i gard med hus vart innleiinga til ein periode som skapte lettare økonomiske tilhøve, og det vart eit nytt framsteg då eldste sonen Ole i 1896 betalte ca. 500 kroner til andre kreditorar.

Skylda på bruket, 2 dlr. 3 ort 12 skl. vart i 1890 revidert til 4,09 mark.

Unge-Lars-Peter hadde i trulovingsdagane vore med på å bygge dei nye husa i Nils-garden. Etter tradisjonen var det Klaus-Syver på Brunstad som var bygningsformann, og truleg beste læremeisteren til Unge-Lars-Peter som sjølv vart bygningsmann. Det var sommarhalvåret som var beste arbeidstida i dette yrket. Vintrane og fram mot vårparten dreiv han fiskja. Elles sleit Lars Peter med garden og betalte på gamal gjeld så lenge han levde. Eldste sonen Ole som skulle ta over bruket, vart sjuk i ein fot som til slutt måtte takast av. Det var vanskeleg for ein ufør å tenkje seg til å bli gardmann, og såleis kom nest eldste sonen og tok over. Det var

*Peter Severin Larssen Fet* (f 1881, d. 1968) g. 1900 m. Karoline Olsdtr. Hellen (f. 1874, d. 1938).

Br. 1909—1942.

Born: Peter Lauritz f. 1900, g. på bruket. Utvs. nr. 394. Signe f. 1907, jordmor. Sjå bnr. 10.

I røynda hadde Petter Severin og Karoline stått føre gardsdrifta i Nilsgarden alt frå 1900, men heimelsbrev på bruket fekk han først i 1909 i skiftet etter far sin. Kjøpesummen var 3.400 kroner. Det såg ikkje så lyst ut å makte dette kjøpet. På auksjonen som vart halden etter far hans, kom rubb og rake av reiskap og eignaluter under hammaren, til og; med eit gamalt naust som Lars Peter hadde på Straume. I slike tilhøve var det godt å ha slekt som kjendest ved sitt folk, og trufaste hjelparar elles. I Smågjerda på Riksheim der Karoline hadde slekt, fekk Peter Severin låne mellom 2 og 3 tusen kroner. Dessutan fekk han låne pengar i Elling-garden på Dravlaus. Og så byrja eit nytt livslangt slit for å arbeide seg ut av gjelden. Det hadde vore mykje av garden som trong grøfting, m.a. i Tongane der Peter Severin la ned eit kjempearbeid. Elles hakkebraut han eit stykke på Ytstebakkane og sette opp steingard rundt, og la elles nytt land under plogen. Han tekte opp att både løe og stovehus, og på stabburet la han helletak. Elles bygde han nytt kvernhus, og på setra nytt sel. Han var serleg interessert i hestar og hesteal, var forvert for lagshingstar i 25 år, og hadde m.a. den kjende hingsten Haakon i 5—6 år. Elles hadde Peter Severin sjølv avlsmerrar og handla med hest. I yngre år dreiv han fiskja om vintrane. Frå 1914 til 1918 var han med på elveforbyggingsarbeidet på Fet. I «Sunnmørsposten» frå 19. sept. 1968 står det m.a. i ettermålet etter Peter Severin: «- — Han var ein eksponent for denne hei-



dersflokk som har slite seg gjennom arbeidslivet med hakke og spett og jamna vegane for etterslekta, samstundes med at han med sitt rike vidd og venelskne sinnelag skapte trivnad og liv der han for fram. Forteljarevna hadde han fått i morgengåve, og han var ein kunstnar i replikken. — — »

Sonen

*Peter Laurits Petersen Fet* f. 1900 g. 1934 m. Åsta Sigvarda Karlsdtr. Brudevoll frå Jetmundgarden f. 1904.

Br. frå 1942.

Born: Kjell Peter f. 1939, arkitekt g. på bruket. Olaus Kari f. 1942 g.m. Odd Gjersrud. Sjå bnr. 10.

Peter Petersen gjekk i snikkarlære hjå Johan Erstad i 1916. Reiste i 1923 til USA. Utvs. nr. 394. Då han kom heim i 1929 hjelpte han far sin å sette opp nytt løhus. I åra som fylgde dreiv han bygningsarbeid, men byrja så i 1930-åra i trevarefabrikken til Nyberg & Gjerde på Stranda, var også eit par år i verkstaden til Erling Tandstad. I tida 1929—1934 bygde Peter saman med faren både nytt stovehus og ny driftsbygning på garden.

I 1936 byrja han med eigen trevareverkstad i kjellaren og dreiv der til han i 1946 sette opp fabrikkbygg i betong ved bygdevegen like vest for Fitjabrua. Talet på arbeidarar ved fabrikk, Peter Fet Trevarefabrikk, har vore 5—6 mann, og produksjonen for det meste treverk og polerte finerdeler til møbelindustrien.

Peter Petersen kvitta seg med resten av den gamle gjelden som hadde ruga over bruket i fleire generasjonar, og har saman med kona si arbeidt seg fram til lettare økonomiske tilhøve. Alt frå midt i 1930-åra har dei også hatt ei hand med i gardsarbeidet, men skøyta skreiv seg frå 1942. Kår til Peter Severin. Peter Petersen har arbeidt mykje med bruket. Han har m.a. teke nye veiter i «Lasse-øya» ovafor Tongaløken, dyrka opp att gamal voll, og i 1950-åra tok han opp arbeidet med å lage kulturbeite for buskapen. Han har også planta ein heil del skog, m.a. i Tegane i 1952, og dessutan eit større utmarkstykk og i fleire skogteigar.

Åsta Karlsdtr. har ved sida av arbeidet som husmor og med røkting av buskap vore aktiv medlem i Bondekvinnelaget og Sanitetslaget både som kasserar i lang tid og som formann.

Peter og Åsta driv no bruket saman med sonen

*Kjell Peter Petersen Fet* f. 1939 g. 1968 m. Ragnhild Karen Sverresdtr. Aurdal frå Grebstad, Pegarden, bnr. 10, f. 1943.

Born: Åse f. 1969. Anne Sofie f. 1970. Per Svein f. 1972.

Kjell Peter Fet er utdanna arkitekt ved Norges Tekniske Høgskole i Trondheim og tok eksamen i 1964. Han arbeidde først som arkitekt i 2 år i Trondheim, seinare tilsett i Ålesund kommune i 2 år til han i 1968 byrja eigen arkitektpraksis i Ålesund. Frå 1974 har han også hatt avdelingskontor i Sykkylven. Han har vore busett i Nilsgarden på Fet frå 1967, og teke del i arbeidet med bruket ved sida av arkitektarbeidet. I 1974 sette han opp eit større tilbygg til stovehuset. I ungdomsåra hadde han ei serleg interesse for kunstmåling, men denne interessa har han hatt mindre høve til å dyrke i seinare år. Ragnhild Karen er utdana sjukesyster, og arbeidde ei tid som sjukesyster før ho gifte seg.

#### JØRNGARDEN bnr. 2.

*Lauritz*, nemnd på bruket første gong i skattelista for 1609, sat som brukar til ca. 1645.

Han la 1 mæle korn i tiende i 1618. I 1624 skatta Lauritz Fet av 2½ mællag jordegods, men det var ikkje av garden han sjølv brukte. Det er elles ikkje heilt klart om det kan ha vore to Lauritz'ar. I skattelista for 1626 vart brukaren kalla Lauritz *J a k o b s e n*, men seinare, m.a. i 1642 og 1649 var namnet Lauritz *K n u t s e n*. Han var då lagrettemann, og namnet er stadfest med segl som ber initialane L. K. Det er såleis ingen tvil om etternamnet til Lauritz i 1642 og 1649. I 1658 heldt sorenskrivaren på Sunnmøre, Tyge Nilsen Castberg, med lagrettemenn frå Dale og Valde skipreie eit skifte over garden Nysæter. Det var lensmannen i Dale, Knut Pedersen Langlo, som gjerne ville løyse ut dei andre odelservingane, og han stemnde dei til skifterett på Nysæter. Her møtte mellom mange andre også «Gamle Lauritz på Fet» i ei gruppe som vart kalla «de Stadems mænd». Mange av dei mest velståande bønder i Dale og Valde skipreie høyrde til i denne slekta. Lauritz Fet sette fram odelskrav om ½ fjerdingsslag fiskel. i Nysæter, og dette løyste Knut Pedersen Langlo ut for 3 o r t.

Sonen

*Knut Larssen Fet* f. ca. 1602.

Br. ca. 1645—ca. 1680.

Han skatta av eit bruk på 4 mællag 3 mrk. Buskapen hans var den største på garden i 1658 då han betalte kvegskatt av 1 hest, 18 kyr, 8 geiter, 12 sauer og 1 okse. Knut var lagrettemann i

1660. Året etter var Knut vitne i saka mot brørne Mikkell og Steinar Rasmussøner som m.a. hadde vore i krangel med stykfar sin på kyrkjevegen. Mikkell var også klaga for å ha rive eit dokument or handa på lensmannsdrongen, og Steinar skal ha sagt at han ville tørke seg bak med dokumentet. «Dette profuet Oluf Endresen Blindheim ok Knud Larsen Fedt, og bemeldte Stener det ikke kunde benekte .. » (Sjå elles under Straumgjerde).

Knut Larssen åtte 1 mællag jordegods i garden Overå i Ulstein i 1667. For dette fekk han i førstebyggsel det året 1 t. rug og 1 dlr. Son til Knut

*Jørgen Knutsen Fet* (f. ca. 1651, d. 1746) g. m. Synnøve Olsdtr. Aure (f. ca. 1658, d. 1731).

Br. ca. 1660—1730.

Skatta av 1 våg 6½ mrk. Jørgen nya opp att festebrevet i 1720 av Paul Abelset. I lang tid var Jørgen lagrettemann.

Sonen

*Lars Jørgensen Fet* (f. ca. 1708, d. 1774) g. 1733 m. Margrete Jørgensdtr. Gjerde (Riksheimgjerdet) (f. ca. 1698, d. 1769).

Br. 1730—1758.

Bygselbrev frå Jens Abelset i 1730 på 1 våg 6 mrk. Lars var lagrettemann.

Sonen

*Jørgen Larssen Fet* (f. 1733, d. 1806) g.1. 1763 m. Marie Hansdtr. Aure frå Pihlgarden (f. 1732, d. 1775) g.2. 1775 m. Sara Paulsdtr. Ekornes (f. 1744, d. 1812).

Br. 1758—1791.

Jørgen var tremenning med førstekona si og dei måtte søkje om løyve frå Kongen til å gifte seg. Bygselsetel frå Christen Abelset i 1758 på 1 våg 3<sup>4</sup>/<sub>5</sub> mrk. Skylda på bruket hadde såleis gått ned med 2—3 mrk. Jørgen var lagrettemann, slik mange av forfedrane hans hadde vore. Han fekk 6 born i første ekteskap, alle jenter. Ei av jentene døydde i ung alder. I andre ekteskap var det to born, baae jenter. Skiftebuet etter førstekona Marie, eller Maren som var hennar rette døypenamn, hadde 117 rdl. i brutto eige. Gjelden var 40 rdl.

Versonen til Jørgen tok over bruket. Det var

*Ingebrigt Ingebrigtsen Ljøen* (f. ca. 1760, d. 1818) g. 1792 m. Margrete Jørgensdtr. Fet (f. 1769, d. 1852).

Br. 1791—1822. Bygselsetel frå Abelsetfamilien i 1791 på 1 våg 3<sup>5</sup>/<sub>8</sub> mrk.

Kår frå Ingebrigt til verfare. I 1807 gjekk garden over frå Abelsetfamilien då ervingane etter Christen Møller Abelset selde Jørnbruket til Johannes Sjursen Nordang med bygsel og «herligheter» for 160 riksbankdalar. Bruket vart i 1802 verdsett til 170 rdl.

Skiftebuet etter Ingebrigt i 1819 hadde 131 spd. i brutto eige. Gjelden var 39 spd.

Versonen

*Nils Andreas Olsen Hjortdal* frå Larsgarden (f. 1792, d. 1858) g. 1822 m. *Laurentze Mailene Ingebrigtsdr.* Fet (f. 1801, d. 1864),

Br. 1822—1854.

Bygselsetel frå Johannes Sjursen Nordang i 1822. Kår til Margrete Jørgensdr. I 1833 var det jordskifte på Fet, med overjord-skifte i 1834. Den gamle skylda, 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk., vart i 1838 endra til 2 dlr. 3 ort 12 skl. Buskapen var i 1845 1 hest, 9 kyr, 14 sauer og 4 geiter. Sånaden 3 t. bl.korn,  $4\frac{1}{2}$  t. havre og  $11\frac{1}{2}$  t. poteter.

Nils Andreas Olsen var omgangsskulelærer i nordre Sykkylven, d.v.s. frå Vik, med Aure, Grebstad, Søvikdal og Ramstaddal. Han må ha byrja som lærar i svært ung alder, men slutta i 1826. Han hadde då attåt lærararbeidet drive Jørngarden i 4 år. Nils Andreas Olsen fekk godt vitnemål av presten. Nils synte trott og god moralsk framferd, og hadde gode evner. Det første skolebladet i Norge, «Annal for Skoleholdere» såg dagens lys i Sykkylven frå 1807 og utover. Her er Nils Olsen med som den yngste av forfattarane med stykke nr. 9, og kjem serleg med maningsord til ungdomen. Han la av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett i 1827. I 1829 var han lagrettemann. Han fekk i 1834 i oppdrag å vaksinere mot koppar i grenda, men i dette arbeidet kom Nils på kant med jordmora på Aure, Marte Knutsdr. Aure, som skulda Nils for at han skreiv ut fleire vaksinasjonsattestar enn han hadde vaksinert, og det enda med at Nils måtte ut med 10 spd. i bot til skule- og fattigkassa i prestegjeldet.

Sonen

*Ole Nilssen Fet* (f. 1823, d. 1906) g. 1854 m. *Ragnhild Karoline Larsdr.* Dravlaus frå Samundgarden (f. 1836, d. 1917).

Br. 1854—1882.

Born: Lovise f. 1854 g.l. m. Lars Peter Andreassen Krogen som bleiv på havet i 1882, g.2. m. Ole Andreassen Krogen. Ramstaddal. Nikolai, f. 1858 g. på bruket. Martinus f. 1863. Sjå bnr.

6. Petter f. 1868 g.1. m. Karoline Indrevik på Skodje. g.2. m. Ane Blindheim.

Ole fekk bygselbrev på Jørngarden i 1854 frå Peder Johannessen Nordang. Kår. Jørnbruket var i 1864 på 40 mål god, dyrka åker og eng, og 71 mål godt england. I 1875 fødde dei 1 hest, 1 imghest, 6 kyr, 6 ungdyr, 24 sauer og 2 svin. Sånaden var ½ t. bygg 3 t. bl.korn, 5 t. havre og 2 t. poteter.

Etter tradisjonen hadde Ole lese mykje. I sin ungdom hadde han gått 3 mnd. lærarskule hjå Håkå-Lars på Ørskog, og det var vel tanken å bli skulemeister slik faren og bestefaren hadde vore. Men slik gjekk det ikkje. Han vart balande med garden. Om vintrane dreiv han fiskje. Ein gong kom båtlaget hans ut for hardver utafor Fosnavåg. Båten kvelvde, og karane måtte kjempe hardt for livet før dei vart berga. «Men eg heldt fast på oljebuksa mi,» la Ole til når han fortalde om hendinga. Han dreiv også mykje med jakt. I Åragjerdet hadde han ei ulvegrav, og restane etter grava var lenge synlege. Elles jakta han på bjørn. Saman med Gamle-Lars-Peter i Nilsgarden tok Ole ein bjørn med «gilder» i Valjategane i 1844. Ein gong var han saman med Knut-Jakob på Velle på bjørnejakt i Straumsdalen. Dei fekk teften av bjørn, og dei vart samde om at Jakob skulle gå opp i lia og prøve å jage bjørnen unna bakke, medan Ole la seg i skytestilling nedafor. Og Jakob jaga, bjørnen kom og Ole skaut. Fulltreffar vart det ikkje. Dei fann han ikkje att den dagen, men kort etter kom dei fram på han daud i Vikedalen.

Det var slektskap i Jørngarden med gardeigaren Peder Johannessen Nordang. (Mor hans, Malene Ingebrigtsdtr., kom frå Ljøen). Truleg har Ole Nilssen Fet fått kjøpe Jørnbruket i første halvparten av 1870-åra. Han og kona går over på kår i 1883 og sonen tar ovur bruket. Det er

*Nikolai Olsen Fet* (f. 1858, d. 1914) g. 1882 m. Berte Marie Jørgensdtr. Gjævenes (f. 1858, d. 1945).

Br. 1883—1926.

Born: Ole Johan f. 1885, g. på bruket. Utvs. nr. 382. Lars f. 1888. Utvs. nr. 381. Anton f. 1890. Utvs. nr. 379. Konrad f. 1897. Utvs. nr. 380.

Skøyte på bruket med hus i 1883 frå Ole Nilssen som saman med kona gjekk over på kår. Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart skylda 2 dlr. 3 ort 12 skl. revidert til 4,72 mark. Nikolai bygde nytt stovehus på bruket i 1902. Etter tradisjonen hadde Berte

Marie ein del pengar då ho gifte seg, og dei kom vel med for å kvitte seg med gamal gjeld på bruket. Om vintrane dreiv Nikolai fiske, og stasjonerte i mange år på Oksebåsen.

Både Nikoline og Berte Marie kom tidleg med i den store vekkinga som gjekk over bygda i 1880-åra, og dei sokna til den gruppa som seinare vart kalla «Fri-frie». Saman med Jens Helgesen Drabløs og kona Olave Eriksdtr. i Barbrogarden og to andre ektepar var Nikolai og Berte Marie i Jørngarden dei første i Sykkylven til å melde seg inn i «avhold». Det var mange som såg på dette som formastelse, og det var dei som vart beint fram harme-og let vere å be dei i julegjestebod første året. For kva skulle vel dei der som ikkje kunne smake ølet? Men der dei to gjekk føre kom det etter kvart fleire i fylgjet og fråhaldsaka fekk vind i segla i åra som fylgde.

Sonen

*Ole Johan Nikolaisen Fet* f. 1885 g. 1915 m. Lovise Sofie Jensdtr. Drabløs frå Barbrogarden (f. 1889, d. 1958).

Br. 1926—1952.

Born: Borghild f. 1916 g.m. skulestyrar Johan Neset frå Haus. Sjø Fet bnr. 12. Oddrun f. 1918, g.m. Olav Nilssen Drabløs. Ellinggarden bnr. 2. Norvald f. 1920, g. på bruket. Arne f. 1922, salsleiar, g.m. Marna Iversen. Buset Stranda. Jostein f. 1924, undervisningsleiar ved Distr.høgskulen, Volda, g.m. Ella Trondsdr. Heggen, Brandbu. Olav f. 1927, tannlækjar, g.m. Torgunn Trondsdr. Heggen, Brandbu. Buset Raufoss. Margit f. 1929 g.m. Magnar Olssen Fet Sjø bnr. 6. Liv f. 1931 g.m. Asbjørn Brekke, gbr. i Ørsta.

Ole Johan Fet gjekk framhaldsskulen før han i 1906 reiste til USA (Utsv. nr. 382) der han gjekk teikneskule. Arbeidde mest som bygningsmann og kontraktør til far hans vart sjuk i 1913. Ole Johan vende då attende til heimlandet. I røynda tok han over arbeidet med bruket frå den tid, men skøyta vart utferda først i 1926 av mora Berte Marie Jørgensdtr. for 4000 kroner og kår. Ole Johan og kona lå ned eit stort arbeid med garden og buskapen. Ei tid dreiv dei Barbrojorda på Dravlaus attåt. Dei fødde då 8—10 mjølkekyr, ungdyr, og 2 følmerrar. Føla ol dei fram, så det var vintrar dei kunne ha både 6 og 7 øyker i stallen. Ole Johan veita ut mykje av bruket der det var våtlendt, hakkebraut 12 mål udyrka jord i Åragjerdet, og ca. 3 mål i Tegane. Han gjekk også i gang med å bygge nytt løhus som stod ferdig i 1933. Det

var gjort med eigne hender og med huslyden si hjelp frå første spadestik.

Ole Johan og kona hadde sterke kulturelle interesser, las mykje, og var i årevis trufaste songarar i Velledalen blandakor. Ei serleg interesse hadde dei for ættegransking, og det var mange huslydar og ætter j bygda som fekk arbeidt ut ættesoga si av Ole Johan Fet med god assistanse av Lovise. Alt arbeid utan vederlag. Ole Johan var også i lang tid medlem i Sykkylven sogenemnd, og forfattaren av denne boka har på mange måtar nytt godt av granskararbeid deira. Ole Johan var interessert i skulen sitt arbeid, og ei tid var han formann i skulestyret. I 1968 tok han del i Nasjonalforeningens landskonkurranse for eldre med eit innlegg om Daglegliv ved hundreårsskiftet. Han oppnådde ein sjetteplass i landslevlinga, og vart nr. 2 i Møre og Romsdal.

Sonen

*Norvald Olsen Fet* f. 1920 g. 1952 m. Gerd Knutsdtr. Fausa frå Dravlaus (bnr. 1 Samundgarden) f. 1925.

Br. 1952—ca. 1900.

Born: Tove Karin f. 1954, Leif Ole f. 1959. Hilde Johanne f. 1967.

Norvald Fet gjekk tidleg i gang med møbelfabrikk (Sjå Sanden bnr. 9), Fet Møbefabrikk), men han dreiv også Jørnbruket. Første åra hadde dei 6 mjølkekyr, dessutan ungdyr og nokre sauer. I slutten av 1950-åra bygde han om og moderniserte stovehuset.

Elles har hans arbeidstid gått med i arbeidet for fabrikk. I si ungdomstid var han ein interessert og aktiv idrottsmann, og var mellom dei som skipa fotballlaget i Velledalen. Medlem i Sykkylven sogenemnd, og i Sykkylven Husbanknemnd.

Son til Norvald har no teke over bruket. Det er

*Leif Ole Norvaldsen Fet* f. 1959.

Ved sida av gardsdrifta arbeider han i møbelindustrien. Det var ikkje bufe på bruket i 1974.

HANSGARDEN bnr. 3.

*Ole*, br. 15.—ca. 1609.

Han vart kalla Store-Ole til forskjell frå ein Unge-Ole eller Vesle-Ole som sat på eit anna bruk på Fet i 1603, men som fall frå kort tid etter. Store-Ole var lagrettemann. I 1591 var han ein av dei som fekk det ærefulle oppdraget å reise til Oslo for å re-

presentere landsdelen då Kristian IV vart hylla som konge i Norge.

Etter Store-Ole kom

*Paul Olsen Fet*, br. ca. 1609—ca. 1650.

Han var med i Kalmarkrigen i 1611, men kom nok velberga heim att, for han sat med bruket i lang tid seinare. I 1617 la han 1 mæle og 1 fjerdingsslag korn i tiend, og han betalte landskyld av eit bruk på 4 mællag 3 mrk. siste åra han sat med garden. I 1645 hadde han kona, son og 2 jenter i huset.

Etter Paul kom truleg sonen

*Jon Paulsen Fet* (f. ca. 1616) g.m. Anne Hansdtr.

Br. ca. 1650—ca. 1675.

Jon skatta i 1658 av 1 hest, 10 kyr, 8 geiter, 12 sauer og 1 okse.

Enkja Anna Hansdtr. gifte seg att med

*Elling Svendsen Våtmyr*, d. 1696.

Br. ca. 1675—1696.

Han skatta av 4 mællag 6½ mrk. I skiftet etter Elling i 1696 hadde buet 82 rdl. i brutto eige. Her er rekna opp m.a. ein «tønne-Kjedel» med verde 5 rdl. 3 ort, tjøreveid for 4 rdl., ein kjempe-færing 2 rdl. 3 ort, og 9 kyr der kvar som vanleg vart verdsett til 3 rdl. Anne Hansdtr. overlevde båe mennene sine. Born hadde ho i båe ekteskap. Son frå første ekteskap tok over bruket. Det var

*Hans Jonsen Fet* d. 1740, 83 år gamal, g.m. Marte Salmundsdr. Lade frå Andersgarden d. 1721.

Br. 1696—1724.

Han skatta av eit bruk på 4 mællag 6½ mrk. I 1701 var han reservelegdsman, og lagrettemann frå 1710. Gardeigaren Paul Abelset nya opp att bygselen til Hans i 1720. Marte Salmundsdr. var av velstands foreldre. Skiftebuet etter henne på Fet hadde 108 rdl. i brutto eige. Gjelden var 7 rdl. Av buskap var der m.a. 10 kyr og 1 hest. Hesten var verdsett til 7 rdl.

Son til Hans tok over bruket. Det var

*Jon Hanssen Fet* (f. ca. 1701, d. 1758) g.l. 1724 m. Johanne Kolbeinsdr. Hole frå Jørngarden (f. ca. 1678, d. 1751) g.2. 1752 m. Anna Olsdr Blindheim (f 1724, d. 1815).

Br. 1724—1759.

Bygselsetel i 1724 på 1 våg 6 mrk. frå Paul Abelset. Jon var lagrettemann. Skiftebuet etter førstekona Johanne i 1752 hadde 143 rdl. i brutto eige. Gjelden var 8 rdl. Det var ikkje born i dette ekteskapet. I ekteskapet med Anna Olsdr. hadde Jon 2 born då



det var skifte etter han i 1758. Skiftebuet hans hadde 272 rdl. i brutto eige. Truleg har Anna Olsdtr. vore velståande då ho gifte seg, og det har nok gjort sitt til at eiga i 1758 var så høg. Ho dreiv bruket eit års tid åleine, og gifte seg atf 1759 med

*Lars Jonsen Fet* frå Jogarden (f. 1723, d. 1778).

Br. 1759—1778,

Han sat på bygsel første åra, men i 1769 løyste Lars ut Hansbruket av Hans Løgh og fekk skøyte på 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk. med landskyld og bygsel for 130 rdl. Dermed sat Lars og Anna som sjølveigarar i Hansgarden. Lars var lagrettemann. I 1761 skaut han ein bjørn. Rett nok var bjørnen berre halvaksen, men Lars må få namn mellom bjørneveidarar for det. Skiftet etter han i 1778 nemner 6 born, 3 gutar og 3 jenter. Buet hadde 286 rdl. i brutto eige. Gjelden var 47 rdl. Enkja Anna Olsdtr. ervde 2 mællag 18/10 mrk. i Hansbruket og 5 mrk. i Brunstad. Eldste sonen Ole Larssen, som elles døydde i fiskja frå Eikrem i Borgund i 1788, ervde  $13\frac{2}{5}$  mark. i Hansgarden og 5 mrk. i Bjørkedal i Volda. Brørne til Ole, Johannes og Jakob ervde kvar  $12\frac{1}{3}$  mrk. i Hansbruket.

Enkja Anna Olsdtr. gifte seg 3.g. 1780 med

*Lars Amundsen Velle* frå Åmundgarden (f. 1732, d. 1803).

Br. 1779—1795.

Han løyste ut ervingane etter Lars Jonsen i 1779 for 100 rdl. og fekk skøyte på heile Hansbruket. Lars Amundsen hadde vore omgangsskulelærar i prestegjeldet ei tid før han vart gift. Det finst framleis att ei lærebok som Lars gjorde seg nytte av og som ber Lars Amundsen Velle sitt velskrivne namnetrekk med opplysning om at han er «— — Bogens Rette Eijer og Haver Hende Kiøbt i Bergen Anno 1755 den 14. juni og gifuit for hende 3 mark Danske.» Boka har den lange titelen «Compendium Arithmetieuin eller Veyviiser, Hvorved han på korteste og netteste Maade kund ledsages til Regne-Konstens rette Brug». Boka er trykt i «Kiøbenhavn» 1751, og inneheld til slutt «En kort Formular til Adskillige Breve udi Huuslige, Handels, Vexlers og deslige daglige forefaldende Handteringer, For Ungdommen Sammenskreven og forlien adskillige gange til Trykken befordret.» Forfattar er Søren Matthisen, klokker til Trinitatis Kirke.

Frå Lars Amundsen har boka gått over til Peder Ellingsen Velle frå Karigarden. Han var også lærar, og har skrive namnet sitt i boka som i dag er gardssogeforfattaren si eige.

Noko serleg meir om «Bogens Rette Eijer» Lars Amundsen si lærargjerning veit ein ikkje. Det vart reist sak mot han i 1776. Han hadde «overfaldet og slaget ein av konfirmantane, Peder Pedersen Søvik, ein sundag i kyrkja. Truleg hadde læraren hjelpt til med konfirmantførebuinga, vorte arg for eit eller anna, og så har «naturen gått over opptuktelsen». Etter vitna å dømme hadde nok Lars misfare seg. Saka vart førd over til ein geistleg domstol. Det er mogleg at Lars ikkje har vore lærar så lenge etter denne hendinga. I 1795 møtte Lars som vitne i åstad-saka mellom Velle og Brunstad om rettane til Velleseterdalen. Her talte Lars heilhuga Velle si sak. Lars og Anna hadde ikkje born. Skiftet etter Lars synte at buet hadde 420 rdl, i brutto eige. Gjelden var 53 rdl. Anna Olsdtr. overlevde også den tredje mannen sin. Sonen frå 2. ekteskap tok over Hansbruket Det var

*Jakob Larssen Fet* (f. 1707, d. 1840) g. 1795 m. Kari Jonsdtr. Hole frå Jogarden (f. 1776, d. 1847).

Br. 1795—1822.

Skøyte frå Lars Amundsen i 1795 på 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk. for 99 rdl.

Sonen

*Lars Jakobsen Fet* (f. 1799, d. 1874) g. 1823 m. Helge Karoline Olsdtr. Dravlaus frå Samundgarden (f. 1807, d. 1882).

Br. 1822—1801.

Skøyte frå faren på Hausgarden i 1822 for 150 spd. Lars la kår til foreldra frå 1823. Han var lagrettemann i 1830, og skreiv då med førd penn. Same året la han av eiden til Grunnlova og fekk stemmerett. I Lars si brukstid var det skifte av innmarka på Fet, jordskifte i 1833 med overjordskifte i 1834. Ved den nye skyldsettinga i 1838 vart den gamle skylda på Hansbruket, 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk., revidert til 2 skylddaler, 3 ort og 12 skilling. Buskapen i 1845 var 1 hest, 9 kyr, 14 sauer og 4 geiter.

Lars Jakobsen skaut ein bjørn i 1838. Det bar slik til at Bernt Pedersen Dravlaus i Barbrogarden hadde lagt ut eit gilder (sjølv-skot) som bjørnen hadde løyst ut nokre dagar etter pinse. Bjørnen vart berre såra av skotet, og kom seg unna. Karane i grenda «sanka sølj» på udyret og rekte blodfaret etter bjørnen eit par dagar før dei fann han i nærleiken av Dravlausgarden. Men då gjekk bjørnen til motåtak på ein av jagarane som vart noko såra. Det var Peder Iversen Velle som berga mannen. Peder gav bjørnen eit veldig slag med ein staur, og dermed slepte bjørnen man-

nen og prøvde å kome seg unna. Men då han hadde gått om lag eit skotmål, var han så utmatta at han la seg beint ned. Karane hadde slege han i hel med stein om dei ikkje hadde venta Lars Jakobsen Fet med børse, for bjørnen låg no lenge heilt still. Men så kom Lars, «og ved et skud uds lukkede bjørnens ringe tilbage-værende rest av liv».

Lars dreiv også sjøen. Han var høvedsmann på eigen båt, ein såkalla «søring». Då han døypte båten, kalla han den for «Den flyvende hjort», og la til, som skikken var: «Gud lat den rotne og ikkje brotne». Båten greidde påkjenningane på havet i Lars si brukstid.

Etter tradisjonen laga Lars på sine gamle dagar si eiga likkiste, og han brukte henne ofte til å kvile middag i. Nokre dagar før bryllaupet til sonedottera skulle haldast i Hansgarden i 1874, sa Lars til folket sitt: «Eg kjenner meg ikkje bra, og eg kjem ikkje til å leve over bryllaupet. Når eg døyr no, kan de ta og sette kista mi ned på naustlemmen. Der kan eg stå til bryllaupet er over, og så held de gravøl på restane.» Det gjekk som han hadde sagt. Han låg i lik på naustlemmen medan bryllaupet stod på, og gravølet heldt dei like etter.

Son til Lars og Karoline hadde teke over Hansbruket. Det var

*Jakob Larssen Fet* (f. 1831, d. 1875) g. 1850 m. *Johanne Marie Pettersdtr. Brunstad* frå Tøstengarden (f. 1829, d. 1902).

Br. 1861 — 1875.

Barn: *Thomasine Karoline* f. 1854, g. på bruket.

Skøyte frå Lars Jakobsen for 360 spd. og kår i 1861. Hansbruket vart i 1865 rekna til 43 mål mykje god åker og eng som var dyrka, og 78 mål godt england. Sånaden var ½ t. bygg, 3 t. bl.korn, 4 t. havre og 3 t. poteter. Årleg avling vart sett til 3 t. bygg, 24 t. bl.korn, 26 t. havre og 24 t. poteter. Buskapen var 1 hest, 11 storfe og 26 småfe.

Ved sida av arbeidet med bruket tok *Jakob Larssen* også over arven etter far sin på sjøen. Han vart høvedsmann på «Den flyvende hjort» og dreiv vinterfiske til havs til sin døyande dag. Han dreiv også trondheimshandel. Elles hadde han mange tillitsombod i bygda. Han var medlem i kommunestyret, og han sat i forstandarskapet til Sykkylven Sparebank frå banken vart skipa i 1864 og fram til 1874. Frå 1871 til 1875 var han ettersynsmann i Sparebanken.

*Jakob Larssen* enda sine dagar på havet. Det var den 16. mars

1875. Jakob og båtlaget hans (Kilde-Jakob, Hole-Jakob, Pihl-Bastian og eit par tre andre) låg vest i havet saman med fleire andre båtlag. Då braut det brått inn med storstorm. Ved Vallabåane vart «Den flyvende hjort» broten ned, og der bleiv Jakob og felagane hans. Mange andre kom også bort den dagen.

Versonen tok over Hansbruket. Det var

*Fredrik Martinussen Velle* frå Jakobgarden (f. 1853, d. 1929) g. 1874 m. Thomasine Karoline Jakobsdtr. Fet (f. 1854, d. 1917) g.2. 1918 m. Guri Jakobsdtr. Velle (f. i Jogarden på Hole 1865, d. 1928).

Br. 1875- 1927.

Born, 1. ekteskap: Lovise f. 1874 g.m. Nils Johan Severinsen Drabløs i Ellinggarden. Jakob Martinus f. 1875, lærar, g.m. Hanna Karlsdtr. Habostad Bustad Ikornnes, Ytre Bøen bnr. 5. Jensine f. 1878, syerske. Utvs. nr. 373. Karoline f. 1886 g.m. Karl Johan Hanssen Ramstad, Busett Aure bnr. 48. Marie Nikoline f. 1890 g.m. Ole Ingebrigtsen Strømme. Sjø Gjerde (Straumgjerde) bnr. 9. Martin Olav (f. 1897 d. 1944).

Fredrik Martinussen skreiv seg for Fet etter at han busette seg på Fet og tok over Hansbruket då verfar hans bleiv på sjøen. Fredrik gjekk landbruksskulen på Vestnes i 1871, og vart på mange omkverve ein føregangsmann i bygda. Då han tok over Hansbruket i 1875, var buskapen 1 hest, 1 unghest, 8 kyr, 22 sauer og 1 gris. Gamlekona på garden, farmor til Thomasine, Karoline Olsdtr. hadde stort kår, og Fredrik fødte 2 kyr og 5 sauer til henne. I tillegg kom kåret til vermora.

I 1899 reiv han ned stovelengda av den gamle Hansstova. Denne delen av huset selde han til meieri i Hareidsdalen. På det som stod att, bygde han ei ny høgde. Seinare bygde han om 2. høgda til møterom, og det vart kalla Hans-salen i grenda. Fredrik bygde også ny løe, med «øvstelåve» og køyrebru (køyre-bane). Det var ei av dei aller første køyrebruene i bygda, om det då ikkje var den første. Det var eit stort lette i arbeidet m.a. med avlessinga av høyet som ein no berre velte utfor øvstelåven, i staden for å slite og drage høyet opp i høystålet, slik det hadde vore før. Fredrik Fet var ein av dei første som kjøpte seg moderne plog med veltefjøl og skjerkniv av stål. Med denne svære reiskapen drog han bygda rundt og pløgde for gardbrukarane. Han bygde også ein silokumme av gråstein, og arbeidde elles mykje på bruket, serleg første halvparten av brukstida i Hansgarden.

Seinare vart han meir og meir oppteken med andre ombod og interesser, han var medl. i kommunestyret i lang tid, varaordf. 1888—1893, ca. 30 år formann i fattigstyret (utan løn), domsmann, såleis mykje nytta i jordskiftesaker. Serleg mykje arbeid la han i Sykkylven Sparebank som han var knytt til mykje av si tid. Han var medlem av forstandarskapet frå 1895 til 1925, i tilsynsnemnda 1896—1905, ettersynsmann 1906—1908, styrelem 1911—1928 og formann i 1924.

I slutten av 1880-åra kom Fredrik med i den store kristelege vekkinga som gjekk over bygda. Han tok kristendomen sin alvorleg, heldt møte og samlingar i heimen sin, og bygde som før nemnt andre høgda på huset sitt om til møtesal. Fredrik vart leiaren i den flokken som seinare fekk samlingsstaden sin i Magnuskyrkja. Sjå Grebstad bnr. 55.

I 1924 kjøpte Fredrik og Guri Fet eit hus på Vik og flytte dit på sine gamle dagar. Sjå Vik bnr. 12.

Hansgarden gjekk over til Fredrik og Thomasine sin yngste son

*Martin Olav Fredriksen* (f 1897 d. 1944).

Ved den nye skyldsettinga i 1890 vart den gamle skylda 2 dlr. 3 ort 12 skl. revidert til 4,72 skyldmark. I 1916 delte Fredrik Fet bruket i to like deler, kvar med 2,36 mark i skyld. Hovudbruket hadde i 1890 fått bnr. 3, den nye delen fekk i 1916 namnet Fremstebø og bnr. 7, og låg på nordsida langs vegen til Fet. I skiftet etter Thomasine Jakobsdtr. i 1921 vart m.a. dei to partane av Hansbruket lagt ut til borna Jensine og Martin når så langt kom at Fredrik sa frå seg garden. Jensine var i USA og døydde i 1927, nokre år etter at ho var komen heim. Same året fekk Martin Olav Fredriksen skøyte på heile Hansbruket, bnr. 3 og 7 for 8000 kroner og kår til foreldra. Martin hadde gått landbruksskulen på Gjermundnes og på lærarskulen i Volda. Ei tid var han lærar, m.a. på Emblem, tles var han agent for livsforsikringsselskapet Idun. I seinare år var Martin sjuk, og levde sine siste år på sjukehus.

Dottersonen til Fredrik Fet frå hans første ekteskap tok over Hansbruket. Det var

*Sigurd Adolf Nilssen Drabløs* frå Ellinggarden (f. 1898, d. 1942) g. 1932 m. Hanna Olivia Hansdtr. Fet frå Pålgarden f. 1899.

Br. 1931—1973.

Born: Lovise f. 1932, student, flyvertinne g.m. purser Bengt Mathson frå Stockholm, busett Nesodden. Hallstein f. 1934 g. på bruket.

Sigurd og Hanna Drabløs tok først Hansgarden på pakting i 1931, og i 1940 fekk dei skøyte på bruket med hus for ca. 9000 kroner frå Martin Fredriksen ved verja Karl Ramstad. (Bnr. 3+7) Sigurd gjekk i unge år amtskulen på Ørskog, mellomskulen i Volda og landbruksskulen på Gjermundnes. Han reiste til USA i 1924 (Utv. nr. 275), og var der til han kom heim og tok over Hansbruket der mor hans var frå.

Sigurd og Hanna la ned eit stort arbeid med bruket og vøling av husa. Dei moderniserte stovehuset, innreidde nytt kjøken og bygde om heile første høgda, la inn bad og varmt og kaldt vatn over heile bygget. Løa utvida dei i 1940 med 9 meter i lengda, støypte golv og moderniserte fjøset. Sjølv bruket hadde fått heller mindre godt stell siste åra då Martin var sjuk. Sigurd tok svært mykje veiter, og dyrka opp att mest heile bruket. Han dreiv også med grønsaker. Midt i 1930-åra kjøpte han blårev og sylvrev, og gjekk seinare over til platinarev. Han gjerde inne «Tegane» ca. 18 mål, og la det ut til kulturbeite. Etter at Sigurd døydde i 1942, heldt Hanna fram med gardsdrifta. Ho bygde to nye silokummar til løa, mjølkerom og kjøpte elektrisk kjølar for mjølka og varmtvassstank til vask, mjølkemaskin, traktor med reiskapar i 1951 og ny traktor i 1960. Hanna var den første i Sykkylven som kjøpte inn kyr av NRF-rasen (1953). Den første kua hennar fekk 1. premi, og vart stammor til ein stor kuflokk både innan- og utan-bygds. I 1956 fekk ho diplom med premie frå Møre og Romsdal Mjølkesentral for godt mjølkestall med «klassefri» (feilfri) mjølk over 5 år. Elles har Hanna Drabløs hatt mange andre interesser. I unge år arbeidde ho med «barneforening» for misjonen. Seinare har ho lagt ned mykje arbeid for Bondevinnlaget og Helselaget både som styremedlem og formann i lang tid, og elles vore med i misjonsarbeidet i krinsen.

Sonen tok over bruket. Det var

*Hallstein Sigurdsen Drabløs* f. 1934 g. 1968 m. Astrid Severinsdtr. Langøy frå Borgund f. 1945.

Br. frå 1972.

Born: Synnøve Helene f. 1969. Stein Arve f. 1971.

Hallstein gjekk yrkesskule på Molde i 1955, og arbeidde først i mange år hjå Peter P. Fet Møbelfabrikk og var arbeidsformann

der. Han arbeider no hjå Magnar Fot (sjå bnr. 13). Hallstein Drabløs hadde lagt ned mykje arbeid på bruket også før han tok over i 1972. Han har også vølt stovehuset, sett inn nye vindu, og innreidd husvære i 2. høgda. Med mjølkeproduksjonen er det førebels slutt. Dei har gått over til fôringsoksar og kjøtproduksjon.

#### BRUK A.

(Jobruket + Pålbruket).

*Peder Pedersen Fet*, br. 15.—ca. 1630.

Han la  $\frac{1}{2}$  mæle og  $\frac{1}{2}$  fjerdingsslag korn i tiend i 1606 og var den som la mest på Fet det året. Han vart utskriven til krigsteneste i 1611, Kalkmarkrigen, men leigde i sin stad Jon Olsen Fet. Han var kan hende bror til Paul Olsen i Hansgarden som også var med i Kalkmarkrigen. Peder Pedersen var gift, men namnet på kona er ikkje kjent. I 1618 skulda han Knut Pedersen Ekornes for å ha lege med henne. Saka kom for retten, men Peder kunne ikkje føre prov for påstanden sin, og vart dømd til å betale 7 rdl. i bot til Kongen. Siste gongen vi høyrer om Peder, er i 1635. Han var då ein fattig, gamal og utarma mann som fekk ei bot på 3 rdl. fordi han ikkje hadde betalt nok tiend. Fleire andre i soknet fekk bøter same året for liknande «Forseelser udi Thiende».

Etter Peder Pedersen blir bruket hans delt i to. Kvar del hadde i 1648 ei skyld på 3 mællag 6 mrk. Paul Pedersen tok over den delen som seinare vart kalla Pål-garden. Sjå bnr. 4. Ole Pedersen tok over den andre halvparten som seinare vart kalla Jogarden. Sjå bnr. 5.

#### PÅLGARDBN bnr. 4.

Som nemnt under bruk A vart dette bruket delt i 1630-åra. Til bruket som fekk namnet Pål-garden kom

*Paul Pedersen Fet* f. ca. 1614.

Br. ca. 1636—ca. 1675.

Han la  $\frac{1}{2}$  mæle korn i tiend i 1644, og skylda på bruket i 1648 var 3 mællag 6 mrk., auka til 3 mællag 9 mrk. i 1675. Paul fødte i 1658 1 hest, 8 kyr, 2 geiter, 12 sauer og 1 okse.

Sonen

*Peder Paulsen Fet* f. ca. 1657.

Br. ca. 1675—ca. 1700.

Sonen

*Paul Pedersen Fet* (f. ca. 1675, d. 1725) g.m. Berte Olsdtr. (f. ca. 1684, d. 1743).

Br. ca. 1700—1725.

Paul skatta av eit bruk på  $3\frac{1}{2}$  mællag i 1705, og nya opp att bygselen på dette bruket i 1720 av Paul Abelset. Skiftebuet etter Paul i 1725 hadde ca. 68 rdl. i brutto eige. Buskapen som er rekna i buet, var 1 hest, 7 kyr, 7 geiter, 2 bukkar og 8 sauer. Korn: 3 t. havre og 1 t. bygg.

Enkja Berte Olsdtr. hadde Nils Olsen Dravlaus som lagverje, og verja til borna var farbroren Ole Pedersen Straumsheim.

Enkja gifte seg att 1725 med

*Nils Nilssen Kvammen* frå Stordal (f. ca. 1703, d. 1772).

Br. 1725—1743.

Bygselsetel frå Jens Abelset i 1725 på  $3\frac{1}{2}$  mællag.

Son til Paul Pedersen og Berte Olsdtr. tok over bruket. Det var

*Peder Paulsen Fet* (f. ca. 1713, d. 1786) g. 1744 m. Kari Nilsdtr. Kvammen frå Stordal (f. ca. 1717, d. 1795).

Br. 1743—ca. 1781.

Bygselsetel i 1743 på  $3\frac{1}{2}$  mællag frå Jens Abelset. I Peder si brukstid auka skylda på bruket til 1 våg  $3\frac{3}{4}$  mrk. Peder dreiv også sjøen. Saman med Ole Ellingsen Straumsheim, Paul Olsen Velle, Ole Helgesen Dravlaus, Jakob Jensen Fet og Lars Brunstad måtte Peder Paulsen ut med bøter i 1738 fordi dei på ein langfredag hadde reist framom Borgundkyrkja «og ikke søkte kirken men reiste forbi til sitt hjem». Kvar av karane måtte ut med 4 skl. i bot til Kongen og 3 mark til Molde hospital. Dessutan måtte dei bere sakskostnadene. Peder Paulsen var lagrettemann. Skiftebuet etter Peder i 1786 hadde 55 rdl. i brutto eige. Gjelden var 5 rdl.

Sonen

*Paul Pedersen Fet* (f. 1754, d. 1822) g. 1781 m. Ingeborg Christensdtr. Riksheim (f. 1754, d. 1815).

Br. ca. 1781 — 1796.

Paul skatta av eit bruk på 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk. Han var lagrettemann i 1796. Ved sida av arbeidet med bruket dreiv Paul fiske. Saman med nokre andre karar hadde Paul Pedersen teke opp ei lenke med torskegarn som hadde stått over ein sundag i 1790. No slumpa det slik til at nokre trondheimarar hadde sett dette, og



dei melde saka som kom for retten. Der vart ho utsett, og vi finn ikkje noko meir om endskapen.

Paul Pedersen gjekk over på kår i ung alder og gav bruket over til versionen

*Peder Pedersen Velle* frå Åmundgarden (f. 1769, d. 1828) g. 1797 m. Marte Paulsdr. Fet (f. 1781, d. 1863).

Br. 1795—1832.

Peder Pedersen fekk bygselsetel i 1797 frå Christen Møller Abelset på 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk. Kåret som Peder skulle legge, var for til 2 kyr, 3 geiter og 5 sauer. Dessutan 2 t. halvbygg, og rett til å bruke ein liten åker som bar namnet Nepereiten. Peder Pedersen i Pålgarden vart rekna som den yngre til forskjell frå den samnemnde grannen sin i Jøgarden som var nokre år eldre,

Peder Pedersen i Pålgarden vart sjølveigar i 1807 då han løyste ut bruket sitt av ervingane etter Christen Møller Abelset og kona Birgitte f. Brandal. Peder betalte 160 riksbankdalar og skøyta vart utskreven av Nils Mechlenborg m.fl. Men Peder måtte låne pengane av Jakob Olsen Straumsheim mot pant i bruket. I åra som gjekk må Peder ha arbeidd seg godt opp, slik at han ikkje berre var gjeldfri då han døydde i 1828, men han let etter seg ei netto eige på 355 spd. Han hadde 8 born.

Sonen løyste etter kvart ut bruket. Det var

*Peder Martinus Pedersen Fet* (f. 1800, d. 1891) g.1. m. Johanne Johannesdr. Nordang (f. ca. 1808, d. på barselseng 1831) g.2. 1833 m. Nikoline Helene Andersdr. Blindheim frå Hau-Ola-garden (f. 1810, d. 1874).

Br. 1832—1842, seinare ei tid halve bruket.

Peder dels ervde jord og dels løyste ut syskena sine, slik at han til slutt sat som eigar av heile bruket. Mor hans fekk kår frå 1832. I 1833 var det jordskifte på Fet, med overskyn i 1834. Peder la av eiden til Grunnlova i 1838, og fekk stemmerett. Same året vart skylda på bruket revidert frå 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk. til 2 skylddlr. 3 ort 12 skl.

Peder hadde ikkje born, og i 1842 bygsla han bort halve bruket til bror sin som var gift med halvsyster til Peder si kone. Det var

*Ingebrigt Martinus Pedersen Fet* (f. 1816, d. 1850) g. 1841 m. Susanne Marte Andersdr. Blindheim frå Hau-Ola-garden (f. 1818, d. 1896).

Br. 1842—1852.

Bern: Petter Andreas f. 1842, tok over bruket. Sjå også plassen Åragjerde. Johanne Marie f. 1845 g.m. Jens Larssen Strømme frå Jogarden. Sjå også Straume Hatlebakken bnr. 7. Fredrik Bastian f. 1850 g.m. Lydianne Larsdtr. Erstad. Tok seinare over bruket.

Ingebrigt Pedersen fekk bygselsetel på halve bruket frå bror sin i 1842, med evt. rett til å bygsle også den andre halvparten seinare. Kår. I 1845 var buskapen 1 hest, 9 kyr, 14 sauer, 4 geiter. Sånaden var 3 t. bl.korn, 4½ t. havre, og 1½ t. poteter.

Enkja Susanne Marte Andersdtr. gifte seg att i 1852 med

*Hans Peter Karolus Larssen Strømme* frå Jogarden (f. 1825, d. 1917).

Br. 1852—ca. 1876.

Born: Ingebrigt Nikolai Ludvig f. 1853 g.m. Severine Karlsdtr. Drotninghaug frå Bødagarden. Sjå Straume, Reiten bnr. 5. Hans Petter Thomas f. 1855 g. på bruket.

Dessutan fostra Hans Peter opp systersonen Bernt f. 1868. Sjå Brunstad bnr. 11. Bernt tok seinare over Tue-plassen på Straumsheim.

Hans Larssen, eller Gamle-Hans, som han vart kalla seinare, tok over bruket i 1852, men først i 1856 fekk han bygselsetel på bruket frå «gamle» Peder Pedersen. Bruket vart i 1864 rekna til 38 mål dyrka åker og eng av god kvalitet, og 64 mål godt, naturleg england. Buskapen var 1 hest, 11 kyr, 20 sauer og 4 geiter. Sånaden ½ t. bygg, 2½ t. bl.korn, 4½ t. havre og 3 t. poteter, I 1875 var buskapen 1 hest, 1 unghesl, 7 kyr, 1 okse, 2 ungdyr, 18 sauer og 1 gris. I tillegg kom kårdyra til Peder Pedersen. Det var 3 kyr, 1 ungdyr og 8 sauer. Sånaden var stort sett uendra. Hans var også skreddar, og var serleg kjend for å saume gode og fine skinnfellar. Han var også kjend som ein dugande fiskar, og var medleigar i båt.

#### PÅL-BRUKET VERT DELT.

I 1874 selde Peder Pedersen Fet bruket med unnatak av Litlestova til Peter Andreas og Fredrik Bastian Ingebrigtssøner og Anne Marie Pedersdtr. Blindheim for 500 spd. i 1880 selde Anne Marie Pedersdtr. Blindheim sin part til Petter Andreas og Fredrik Bastian. Dei to hadde også fått skøyte på Litlestova og eit tømmernaust i Straumen same året. Dermed var i grunnen Pål-

bruket delt i to, sjølv om den offentlege skylddelinga kom først i 1908.

Den yngste sonen som Susanne Marte Andreasdr. hadde med førstemannen sin. Ingebrigt Pedersen, var Fredrik Bastian f. 1850. Han tok over den halvparten som seinare fekk namnet Fritun bnr. 6 eller som det til dagleg vart kalla Martinesgarden. Sjå bnr. 6.

Den eldste sonen til Susanne frå første ekteskap heldt fram på halvparten som var att. Denne brukaren var

*Petter Andreas Ingebrigtsen Fet* (f. 1842, d. 1923) g. 1880 m. Johanne Marie Jakobsdr. Velle frå Knutgarden (f. ca. 1856, d. 1942).

Som nemnt fekk Petter Andreas skøyte på halve Pålbruket, og tok truleg over parten sin i slutten av 1870-åra. Han kom diverre snart i pengevanskar, prøvde å låne pengar og baska med garden og gjelden til fram i 1880-åra. Då fekk han seg eit urudt stykke av bruket oppe på Fitjabakkane, Åragjerdet, og vart husmann der. Sjå meir om Petter Andreas og huslyden hans under Åragjerdet.

Halvbroren tok over Pål garden etter han. Det var

*Hans Petter Thomas Hanssen Fet* (f. 1855, d. 1928) g. 1883 m. Olave Bastiane Larsdr. Kjemphol frå Ingarden (f. 1860, d. 1960).

Br. 1883—1928.

Born: Lars Peter Hansen f. 1884, agenturforretning i Ålesund, g. 1. m. Anna Andersen frå Oslo, g.2. m. Anngunda Skår frå Bergen. Fredrik Severin f. 1886 g. til Toregarden på Dravlaus. Karen Marie Petrine f. 1889 g.m. Håkon Zimmerlund Berge, frå Oslo. Busette i Bergen. Laura f. 1892 g.m. Jonas Sandal frå Breim. Sjå Aure bnr. 60. Sigvart f. 1897 g. på bruket. Hanna f. 1899, g.m. Sigurd Nilssen Drabløs frå Ellinggarden. Sjå også Fet bnr. 3.

Hans Petter Hanssen kjøpte dette bruket i 1883 av Petter Andreas Ingebrigtsen Fet, og fekk skøyte på det i 1904. Delinga av det gamle Pålbruket vart fullbyrda med skylddeling i 1908. Då fekk bae halvpartane, bnr. 6 og bnr. 4, kvar 2,33 mark i skyld.

Hans Petter sette opp nytt stovehus om lag der gamlehuset stod i Pål garden. Dei to stovehusa til bnr. 4 og 6 kom til å stå så nær kvarandre at det knapt var plass til å gå mellom dei. Dei to bruka delte gamleløa på midten, og bygde på til kvar sin kant.

Det var rikeleg jord å dyrke i Pål garden. Hans Petter tappa ut den store hola som stod full av vatn (Badarhylen) på Pål-

bøen, fylte henne med stein, og køyrde på mold. I Åragjerdet braut han opp stykket han hadde der, og han dyrka også den nedre delen av Tegane sør for Fijabakkane. Den øvre delen planta han ut i 1913. Der er no svær skog. Etter tradisjonen var det Hans Petter som ca. 1912 fekk ny fart i planlegginga av elveforbygginga mot Storelva på Fet etter at dei fleste av oppsitjarane hadde teke til å frykte den store kostnaden og det veldige arbeidet forbygginga ville føre med seg. I dag er dei fleste på garden takksame for det kjempelyftet brukarane på Fet tok med vernemuren dei bygde i åra kring 1915 for å trygge garden mot flaum.

I tillegg til arbeidet med bruket dreiv Hans Petter bygningsarbeid i sommarhalvåret. Han hadde også læregutar som Olave heldt kosten. Hans Petter sette opp mange hus og løer i bygda. Han bygde også skulehus, såleis på Dravlaus, Brudevoll og i Straumgjerde, Om vintrane dreiv han fiskja. Han var i båtlaget til bror sin. Ingebrigt på Straume, bnr. 5, som var høvedsmann.

Son til Hans Petter og Olave Larsdtr. tok over bruket. Det var *Sigvart Hanssen Fedt* (f. 1897, d. 1943) g. 1929 m. Tordis Petersdtr. Hjorthol frå Jørngarden f. 1906.

Br. 1928—1956.

Born: Helge f. 1930 g. på bruket. Oddbjørg f. 1935 lærar, g. 1961 m. Ottar Slettvoll, Stranda.

Sigvart Hanssen Fedt tok over bruket i 1928. Han fekk skøyte på det i 1929 frå mora, Olave Larsdtr., for 3.200 kroner og kår. Eller jordskiftet på Fet i 1929 måtte Pålbruket flytte ut. Sigvart sette same året opp att stovehuset lenger nord, og utvida huset både i lengd, breidd og høgd. I 1930 bygde han ny løe. Han heldt fram med jorddyrkinga, og la serleg ned mykje arbeid med stykket i Båtøya på nordsida av Storelva. I 1930-åra fôra dei i Pål-garden 1 hest, 9 mjølkekyr og nokre sauer. Sigvart dreiv også med sylvrev, og han kjøpte dessutan skinn som han omsette.

Sigvart var mykje ute på bygningsarbeid i sommarhalvåret, og om vintrane dreiv han fiskja, slik far hans hadde gjort. Sigvart stasjonerte i 13 vintrar på Alnes.

I ungdomstida var han ein allsidig og flink idrettsmann, såleis i friidrett og skyting, og han var også ein dugande skeiselaupar.

Etter at Sigvart var død, dreiv enkja Tordis bruket i fleire år. Ho sleit mykje, og la ned eit kjempearbeid. I 1956 gifte ho seg att med fyrmeister Bjarne Ekornåsvåg frå Borgund f. 1902. Dei sette i 1960 opp eit stort bustadhus i Straumgjerde (bnr. 29) og

Tordis dreiv i fleire år kafé i første høgda av huset. I seinare år kjøpte dei eit hus på Stranda, og er no busette der.

Son til Tordis og Sigvart Fedt har teke over bruket. Det er

*Helge Sigvartsen Fedt* f. 1930 g. 1973 m. Aslaug Heggstad frå Olden f. 1946.

Br. frå 1956.

Barn: Siri f. 1974.

Helge Fedt gjekk realskulen og yrkesskulen i ungdomstida. Han fekk skifteskøyte på bruket i 1956, og har sidan halde fram med drifta. Han fôrar no 3 mjølkekyr, 7 ungdyr og 4 sauer. Stovehuset har han vølt og modernisert, og han har også dyrka ein del jord.

Frå den tid han var ferdig med yrkesskulen, har Helge også drive bygningsarbeid. Til denne tida har han alt bygt 4 bruer, av dei 3 over Velledalselva: Fitjabrua, Valjabrua og den nedste Brunstadbrua. Dessutan har han sett opp fleire fabrikkbygg, bustadhus og feriehytter. Kona hans, Aslaug, er lærar, og har p.t. skulepost i Straumgjerde.

## ÅRAGJERDET.

Plass under Pålbruket. Brukar her var

*Petter Andreas Ingebrigtsen Fet* frå Pål garden (f. 1842, d. 1923) g. 1880 m. Johanne Marie Jakobsdr. Velle frå Knut garden (f. 1856, d. 1942).

Born; Susanne f. 1878 g.m. Bernt Stave. Susanne var dotter til Peter Andreas Ingebrigtsen Fet og Anne Larsdr. Strømme (Tue-Ane). Jakobine d. 1952 ugift. Dotter til Johanne Marie Jakobsdr. Velle.

Born i ekteskap: Peter f. 1880. Utvs. nr. 395. Ingebrigt f. 1883. Utvs. nr. 387. Nikoline f. 1886 g.m. Ole Iversen Fet i Jogarden bnr. 5. Sofie f. 1891 g.m. Jakob Midtgård i Tore garden, Anna f. 1896 g.m. Petter Reite. Bustad Vaksvik.

Som nemnt under Pål garden bnr. 4 fekk Peter Andreas skøyte på halve Pålbruket i 1874—1880, men han greidde ikkje gjelden han hadde teke på seg for å løyse bruket, og gav frå seg bruket først i 1880-åra til halvbroren Hans Petter. Etter tradisjonen tykte Pålfolket det var meir enn ille at Peter Andreas såleis skulle stå att «naken», og dei gav så Peter Andreas eit urudt stykke i Åragjerdet på Fitjabakken til bruk. Bestefar hans hadde hatt ei syster som heitte Ingeborg Petrine f. 1818 som i 1857

vart gift til Nakken på Hole. Ho hadde hatt ei stove ståande «framme i Tomta». Denne stova vart kalla Nakke-Ingeborg-stova. Peter Andreas fekk eine enden av dette huset, storstova og eit kammers, og med godtfolks hjelp bar han tømmeret på ryggen opp i Åragjerdet og sette det opp att der. I eine enden av huset bygde han på fjøs og løe, og her oppe livnærte han seg og familien best han kunne. Han fødde 2 kyr, 1 ungdyr og 7—8 sauer. (Den andre enden av den gamle Pålstova kjøpte Askjell-Lars-Peter på Velle og førde henne til Brunstad bnr. 12).

Peter Andreas var mykje ute på dagarbeid. I yngre år lærde han seg skomakaryrket. Seinare dreiv han mykje som handsagar av stokkar til bygningstømmer. Han hadde sjølv handsagblad. Dei la tømmerstokkane på eit stillas godt og vel i mannshøg. Ein mann stod på stillaset på skrevs over stokken og drog sagbladet til seg. Ein annan kar stod under stillaset og drog sagbladet ned att. Såleis saga dei seg gjennom stokkane på langs, og fekk både bord og plankar. Dei byrja som andre arbeidet i 6—7 tida om morgenen og arbeidde til 7—8 tida om kvelden. Peter Andreas arbeidde mykje på Fausa som handsagar. Om vintrane dreiv han fiskja i open båt. Men minna som kanskje lever lengst etter han og Johanne Marie er fisket deira i Fitjavatnet. Maten kom så vel med for huslyden, og krea var god. Peter Andreas og Johanne Marie fiska med både garn og line, og han brukte også not. No var det noko som heitte fredingstid for laks, og det var ikkje alltid Peter Andreas fann det mogleg å fylgje dei reglane. Fram på hausten vart det difor ofte mange spanande tevlingar på Fitjavatnet med Peter Andreas som jaga vilt med lensmann og oppsynsmann sprengroande i kjølvatnet for å ta han på fersk gjerning, kanskje med fisk om bord. Av og til vann han Peter Andreas. Men det hende at lensmannen også vann. Då måtte han Peter Andreas i fengsel og «sone». Verste straffa var kanskje at han ikkje fekk tobakk i fengselet. Men Peter Andreas hola ut helane på skorne sine, la hola fulle av skrâtobakk, flikka over, og kom velberga både inn og ut.

#### Dottera

*Nikoline Petersdtr. Fet* (f. 1886, d. 1941) brukte plassen Åra-gjerdet ei tid etter at foreldra hennar hadde slutta. Men så gifte ho seg i 1925 med Ole Iversen Fet i Jogarden bnr. 5, og flytte dit. Sjå meir under bnr. 5.

Då Nikoline slutta drifta av plassen, fall han attende til Pål-bruket med ein halvpart på bnr. 4 og andre halvparten på bnr. 6.

#### JOGARDEN bnr. 5.

Som nemnt under bruk A vart bruket til Peder Pedersen delt i 1630-åra.

*Ole Pedersen Fet* f. ca. 1606 som truleg var son til Peder Pedersen og bror til Paul Pedersen i Pålgarden, tok over den delen av bruk A som seinare fekk namnet Jogarden. Det var i 1630-åra, og Ole brukte 3 mællag 6 mrk., seinare auka til 3 mællag 9 mrk. til ca. 1670. I 1658 skatta han av 1 hest, 9 kyr, 3 geiter og 9 sauer.

Sonen

*Peder Olsen Fet* (f. ca. 1641, d. 1731).

Br. ca. 1670—1694.

Sonen

*Jon Pedersen Fet* (f. ca. 1673, d. 1755) g.l. m. Johanne Jakobsdtr. (f. ca. 1683, d. 1726) g.2. 1727 m. enkje Berte Jørgensdtr. Hjortdal (f. Fet i Jørngarden ca. 1669, d. 1751). Ho var enkje etter Lars Pedersen Hjortdal i Pegarden.

Jon fekk bygselsetel i 1694 frå Ole Larssen Abelset på 3 mællag, og sat som brukar til 1734. Jobruket har fått namnet sitt etter Jon.

Sonen

*Peder Jonsen Fet* (f. ca. 1708, d. 1762) g. 1734 m. Anna Larsdtr. (f. ca. 1702, d. 1787).

Br. 1734—1761.

I ei skifteutskrift frå Velle i 1814 etter ei kårenkje Anne Hansdtr. heiter det at Anna Larsdtr. var frå Velle, dotter til Lars Jørgensen Velle i Askjellgarden. Etter alderen å døme er ho heller syster til far hans, og såleis fødd Hole. Under ei åstadsak mellom Velle og Brunstad i 1795 møtte dottersonen til Anne Larsdtr. Han heitte Hans Pedersen. (Sjå brukaren nedafor). Han refererte til bestemor si at ho såg kyrne på Velle fare fram på «Klovhagen», då sa ho: Der er eg vel kjend, for der har eg gått mang ein dag i den tida eg tente på Velle i 7 år.» Det må truleg vere i Askjellgarden hjå bror sin, Jørgen Larssen, ho tente.

Peder Jonsen fekk bygselsetel i 1734 på 3½ mællag frå Jens Abelset. Peder var lagrettemann. I hans brukstid auka skylda på

Jobruket frå  $3\frac{1}{2}$  mællag til 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk. som er lik skylda på dei andre bruka på Fet. Peder og Anna hadde 8 born. Av desse borna døydde det 5. Det er eit trist døme på korleis uåra i denne tida med svolt og sjukdom i kjølvatnet førde til at borna strauk med. Av dei 5 borna som døydde var det 2 som heitte Johanne og 2 som heitte Jon. Av dei 3 som voks opp, var det også 2 som heitte Johanne.

Versonen

*Peder Larssen Ringstad* frå Jogarden, Stranda (f. 1729, d. 1783) g. 1762 m. Johanne Pedersdtr. Fet d.y. (f. 1740, d. 1825).

Br. 1761—1784.

Bygselsetel i 1761 frå Christopher Abelset på 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk. Peder Larssen bygsla såleis bruket året før han gifte seg. Han var lagrettemann i 1772.

Skiftebuet etter Peder Larssen i 1748 hadde 113 rdl. i brutto eige. Gjelden var 40 rdl.

Enkja Johanne Pedersdtr. gifte seg att i 1784 med

*Paul Paulsen Ekornes* (f. 1748, d. 1816).

Br. 1784—1798.

Bygseisetel i 1784 frå Christopher Abelseth. Paul var lagrettemann i 1788. Han skreiv med førd penn.

Son til Peder Larssen og Johanne Pedersdtr. tok over bruket. Det var

*Peder Pedersen Fet* (f. 1766, d. 1847) g. 1800 m. Synnøve Olsdtr. Velle frå Jakobgarden (f. 1774, d. 1853).

Br. 1798-1834,

Bygselbrev i 1798 frå Christen Møller Abelset på 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mark. Same året kårkontrakt mellom Peder Pedersen og Paul Paulsen. Peder Pedersen vart kalla «den eldre» til forskjell frå den samnemnde grannen i Pål-garden.

I Peder si tid som bygslar skifte garden eigar. Ervingane etter Christen Møller Abelset og kona Birgitte f. Brandal selde Jobruket i 1807 til Jan Gundersen Store Standal for 160 rdl. Ved den tid Peder sa frå seg bygselen, var det jordskifte på Fet.

Sonen

*Peter Johannes Pedersen Fet.* (f. 1810, d. 1864) g. 1834 m. Karen Eline Knutsdtr. Brudevoll frå Jogarden (f. 1813, d. 1883).

Br. 1834—1861.

Bygselsetel frå eigaren Jan Gundersen Standal i 1834. Kår til Peter sine foreldre. Peter la av eiden til Grunnlova og fekk stem-



merett i 1838. Same året vart den gamle skylda på bruket, 1 våg  $3\frac{3}{5}$  mrk., revidert ved den nye skyldsettinga til 2 skylddlr. 3 ort 12 skl. Buskapen i Jogarden i 1845 var 1 hest, 9 kyr, 14 sauer og 4 geiter. Sånaden var 3 t. bl.korn,  $4\frac{1}{2}$  t. havre og  $1\frac{1}{2}$  t. poteter. Eigaren av bruket. Jan Gundersen, hadde gitt frå seg bruket til sonen Ole Jansen Standal som i 1845 skøyte bruket over til sin son, Annanias Olsen, som seinare skreiv seg for Tranvåg, for 320 spd. Men han drog på seg ein stor gjeld i 1854, og selde Jobruket same året til bygselmannen Peter Johannes Pedersen Fet for 450 spd. Dermed var Peter Johannes sjølveigar. Han sat med bruket til 1861 då han og kona gjekk over på kår, og selde bruket til sonen

*Peter Severin Petersen Fet* (f. 1834, d. 1867) g. 1858 m. Jensine Lovise Olsdtr. Strømmegjerde (f. 1838, d. 1923).

Br. 1861—1868.

Born: Peter Olaus f. 1859. Sjø Nybø bnr. 8. Ole Severin f. 1861 g. til Riksheim (Løke-Ole). Jens f. 1865 (Jens Strøm) Utvs. nr. 398.

Peter Severin fekk skøyte på Jobruket frå far sin i 1861 for 450 spd. I 1865 vart bruket rekna til 40 mål godt åkerland og dyrka mark, og 71 mål godt, naturleg england. Buskapen var 1 hest, 11 kyr, 20 sauer, 4 geiter og 1 gris. Sånaden var  $\frac{1}{2}$  t. bygg,  $2\frac{1}{2}$  t. bl.korn,  $4\frac{1}{2}$  t. havre og 2 t. poteter.

Jensine Olsdtr. Fet var av velstående foreldre og kom til Jogarden med verdfullt heimafylgje. Truleg var det pengar frå hennar side som hjelppte dei å løyse bruket.

Peter Severin døydde i ung alder, og Jensine gifte seg att med bror hans

*Karl Johan Petersen Fet* (f. 1838, d. 1888).

Br. 1869—1888.

Før Karl gifte seg hadde han sonen Ole Peter f. 1863. Utvs. nr. 153. Sjø Jobruket Blakstad.

Born i ekteskap: Severin f. 1869. Utvs. nr. 375. Karen f. 1871 g.m. Karolus Riksheim. Nikoline f. 1875, g. på bruket. Karl Johan (Strøm) f. 1877. Utvs. nr. 374. Petrine f. 1882, gift Andreassen, Ålesund.

I skiftet etter Peter Severin Petersen i 1869 vart Jobruket lagt ut til Jensine Olsdtr. og Karl Johan Petersen for 800 spd. Karl fødte i 1875 1 hest, 9 kyr, 2 ungdyr, 22 sauer og 1 gris. Kårkona Karen Eline Knutsdtr. hadde dessutan 2 kyr og 5 sauer. Sånaden

var ¼ t. bygg, 3½ t. bl.korn, 4½ t. havre og 4 ar saman med rotfrukt.

Eldste sonen til Peter Severin Petersen og Jensine Olsdtr. tok over bruket. Det var

*Peter Olaus Petersen Fet* (f. 1859, d. 1896) g.l. 1883 m. Antia (Hanna) Hansdtr. Strømmegjerde frå Eilevgarden (f. 1855, d. 1886) g.2. 1887 m. Johanne Karoline Iversdtr. Velle frå Reiten bnr. 11 (f. 1835, d. 1946). Ho var dotter til Berte Jørgensdtr. Blakstad frå Blægeplassen (sjå Velle bnr. 11) og Iver Klausen f. Eidem, seinare busett på Grava-plassen, Hundeidvik.

Born: Peter Strøm (Peter Viken) f. 1880. Utvs. nr. 393. Busett Viken i Tafjord. Son til Peter Olaus Fet og Nikoline Kristensdtr. f. Gjævenes. Sjå Aure Nybøen, bnr. 2. Anna Velle (Anna Fet) f. 1884. Utvs. nr. 995. Dotter til Johanne Karoline Iversdtr. Velle og Lars K. Brunstad i Jakobs garden (Utvs. nr. 229). Anna Larsdtr. var utdana meierske. Ho skreiv framleis heim til halvbroren Karl Fet i jan. 1975.

Born, 1. ekteskap: Johanne f. 1884. Utvs. nr. 386 (Jennie Woog). Hans P. Strøm f. 1886, kjøpmann i Trondheim, g.m. Elen Martinusdtr. Overå frå Aure bnr. 17.

Born, 2. ekteskap: Iver f. 1887. Utvs. nr. 388. (Iver Strøm). Karl Johan f. 1890 g. på bruket. Sjå Nybø bnr. 8. Berte f. 1892 g. 1913 m. Kristian Eliassen Viken frå Tafjord. Han drukna ved Vikaflå på heimveg frå Sylte nokre veker etter bryllaupet. Berte vart gift att med Jakob L. Riksheim. Busett Våtmyr. Jens f. 1894. Utvs. nr. 390.

Peter Olaus Petersen hadde retten til Jobruket, og han brukte det også saman med mor si frå stykfar hans døydde i 1888 til han sjølv døydde i 1896. Brukarane hadde døydd i ung alder på dette bruket i fleire generasjonar. Barneflokket var stor, og det vart fleire og fleire som skulle livberge seg av bruket. Dette førde til at økonomien vart trang, og både store og små måtte slite hardt for føda. Sjå Sunnmørsposten 30. desember 1953 der Løke-Ole på Riksheim, som var 93 år, fortel om barneåra på Fet.

Eigedomstilhøva på bruket var vel i realiteten slik at Peter Olaus si mor Jensine Olsdtr. framleis åtte halve bruket og brukte Jogarden saman med Peter Olaus. I skiftet etter førstekona Anna Hansdtr. i 1887, fekk Peter Olaus halve bruket for 1.600 kroner mot panterettsutlegg til dei to borna Hans og Johanne på tilsaman 680 kroner.

Dei økonomiske tilhøva vart etter kvart så vanskelege at kårkona og eigaren av halve bruket Jensine Olsdtr. saman med sonen Peter Olaus som stod for den andre halvparten, selde heile Jobruket i 1895 for 2.600 kroner til Iver Andreassen Velle i Jakobgarden.

*Jo-bruket vert delt.*

Då Peter Olaus døyddde i 1896, vart det enkja Johanne Iversdtr. som måtte stå føre drifta av garden, og bere det tunge ansvaret med å fostre opp 6—7 mindreårige born. Son til mannen hennar, Peter, var 16 år då Peter Olaus døyddde, og han vart til god hjelp. Seinare kom Johanne sin halvbror som dreng til Jogarden. Han gifte seg med halvsyster til Peter Olaus, og tok seinare over halve Jogarden. Den andre halvparten tok son til Peter Olaus og Johanne Iversdtr. over. Om dette bruket sjå Nybø bnr. 8.

Johanne sin halvbror vart sitjande i gamletunet. Det var

*Ole Iversen Velle* frå Reiten bnr. 11 (f. 1877, d. 1960) g.1. 1899 m. *Nikoline Karlsdtr. Fet* (f. 1875, d. 1916) g.2. 1925 m. *Nikoline Petersdtr. Fet* (Åragjerdet) f. 1886, d. 1941).

Br. 1905 -- 1950.

Born, 1. ekteskap: *Iver* f. 1900, d. 1935. Ugift. *Utv.* nr. 384. *Josefine* (f. 1902, d. 1966) g. 1950 m. *Arthur Hasfjord* (f. 1896, d. 1966). Bustad: Fiskerstranda. *Petter* f. 1903. *Utv.* nr. 385. *Berta* f. 1908, g. 1948 m. *Ingolf Larssen* frå Ålesund (f. 1904, d. 1968). Bustad: Gåseid. *Olivia* f. 1910. Sydame. Bustad: Ålesund. *Kristian* f. 1914 g. på bruket.

*Nikoline Petersdtr.* hadde før ho gifte seg dottera *Petra* f. 1914, g. 1937 m. *Sigurd Kvisvik* frå Straumsnes. *Utv.* nr. 383. Bustad: Sunndalsøyra.

*Ole Iversen* dreiv Jogarden saman med svigerinna si og halvsystra *Johanne* fram til 1916, seinare berre halve Jogarden som han løyste ut alt i 1905 for 1.700 kroner. Halvparten av husa på bruket fylgde også med i handelen. I 1912 løyste son til *Johanne Iversdtr.*, *Karl Johan Petersen*, den andre halvparten av bruket og husa av *Ivar Andreassen Velle*, og fekk skøyte på dette for 2000 kroner. I 1917 vart det halde skyldskifte på bruket. *Karl Petersen Fet* flytte ut med sin halvpart som fekk namnet *Nybø* bnr. 8 med 2,37 mark i skyld. Sjå meir under bnr. 8.

*Ole Iversen* sat att i gamletunet. Hans halvpart fekk skylda 2,38 mark.

Ole arbeidde svært mykje med bruket sitt, veita ut vass-sjuk jord, skufila bort molda der terrenget låg lågt, fylte opp med stein og jamna molda over att. Han hakkebraut mykje nyland, m.a. 8 mål av stykket i Åragjerdet, og laga ein stor kanal for vatnet. Elles braut han også «framma Bakkane» i Tegane.

Barneflokket var stor, og- det kunne bli hardt å livberge huslyden berre med det eit halvt bruk kasta av seg. Difor prøvde Ole å skaffe seg inntekt attåt. I unge år hadde han gått snikkar- og bygningslære hjå Hatlemark i Tusvik. Sommarhalvåret dreiv han seinare mykje med bygningsarbeid ved sida av arbeidet med bruket, og om vintrane dreiv han fiske, første åra i open båt. (Sjå Sykkylvsbladet 14, november 1952).

Ole var i lang tid medlem i skulestyret, og han var krinsformann med stor interesse for skulen. Han var også medlem i kommunestyret.

Sonen

*Kristian Olsen Fedt* f. 1914 g. 1941 m. Gunnlaug Eliasdr. Helset frå Sunnylvn f. 1915,

Br. frå 1950.

Born: Odd Kåre f. 1942 g. 1968 m. Grethe Olavsdr. Ramstad. Sjå Aure bnr. 24. Einar Magne f. 1944 g. 1967 m. Inger Anna Engeset frå Ørsta. Bustad Straumgjerde. Harald Jostein f. 1947 g. 1974 m. Randi Gran. Bustad Ørsta. Nils Bjarne f. 1950. Gunnhild f. 1956 g. 1974 m. Paul Johan Midtgård f. 1951.

Kristian Olsen Fedt arbeidde på Vestlandske Stol og Møbelfabrikk frå 1929 til 1941 då han gjekk inn som medeigar i Hoff & Co. Møbelfabrikk i Straumgjerde. Huslyden budde i Straumgjerde til 1950 då Kristian og Gunnlaug tok over Jobruket på Fet. I 1953 drog han seg tilbake frå fabrikkverksemda i Straumgjerde. Han sette opp ny driftsbygning på bruket i 1953 og bygde nytt, stort stovehus i 1962. Frå 1955 har han arbeidd i møbelindustrien att ved sida av arbeidet med bruket. Buskapen er mindre no enn før, men framleis har dei 3—4 mjølkekyr, nokre ungdyr og sauer.

Eldste sonen har fått skøyte på bruket. Det er

*Odd Kåre Kristiansen Fedt*, f. 1942 g. 1968 m. Grethe Jorunn Olavsdr. Ramstad f. 1946. Sjå Aure bnr. 24.

Born: Ole André f. 1969. Anne Gjertrud f. 1971.

Odd Kåre Fedt arbeider i industrien, og bur på Aure.

FRITUN bnr. 6 (Martinesgarden).

Som nemnt under Pålbruket bnr. 4 selde Peder Pedersen Fet halve bruket sitt i 1874 til brorsonen

*Fredrik Bastian Ingebrigtsen Fet* (f. 1850, d. 1885) g. 1881 m. *Lydianne Larsdtr. Erstad* (f. 1854, d. 1936).

Br. frå slutten av 1870-åra—1886.

Born: Ingebrigt f. 1883 g.m. Ida Otterlei frå Fjørtoft. Anna f. 1884.

Fredrik Ingebrigtsen dreiv fiskja i sine velmaktsdagar. Men han arbeidde også mykje med bruket. Siste leveåra var han sjuk, og var ikkje i stand til å utføre noko større arbeid. Ein dag han rodde heim brenneved frå Fitja-Gjerda, fekk han storm over seg. Båten gjekk rundt. Fredrik vart liggjande lenge i vatnet før han vart berga. Etter denne ulykka levde han berre kort tid. Folk sa at han hadde sprengt seg.

Enkja *Lydianne Larsdtr.* gifte seg att med

*Martinus Olsen Fet* frå Jørngarden (f. 1863, d. 1948).

Br. ca. 1887--1920.

Born: *Jensine* f. 1888 g.m. *Johannes M. Alnes*. *Ole* f. 1891. Gift på bruket. Utvs. nr. 378. *Lina* f. 1894.

*Lydianne Larsdtr.* fekk utlagt halve bruket etter førstemannen sin, og *Martinus Olsen* løyste ut dei to borna *Fredrik Ingebrigtsen* og *Lydianne* hadde, slik at *Martinus* åtte dette bruket som også har fått namn etter han, sjølv om namnet *Pålgarden* framleis vert nytta også om denne parten av hovudbruket. Offisielt var *Martinus Olsen* og *Hans Peter Hanssen* sine partar av bruket framleis berre eitt bruk. Då den nye skylda korn i 1890, vart den gamle skylda på 2 dlr. 3 ort og 12 skl. revidert til 4,66 skyldmark. Både *Martinus* og *Hans Peter* la kår til den gamle bygslaren *Hans Larssen* og kona *Susanne Andersdtr.* I 1908 vart delinga av *Pålbruket* fullført med skylddeling, og kvar del fekk no 2,33 mark i skyld. *Martinus Olsen* sette opp nytt stovehus like nord for *Pålstova*. Løa hadde dei to partane brukt til dei skar henne av på midten og bygde attåt til kvar sin kant. *Martinus* var ein tettbygd kar, stillfarande og flink i sitt arbeid med bruket. Han var også ein del ute på dagarbeid, serleg som murar. Han var musikalsk, og hadde god songstemme.

Sonen

*Ole Martinusen Fet* f. 1891 g. 1920 m. *Johanne Larsdtr.* Lade frå *Jogarden* f. 1895.

Br. 1920—1961.

Born: Laura i 1921 g.m. Lars Hole Drabløs. Kjøpmann på Dravlaus. Bnr. 15. Ingrid f. 1925 g. 1945 m. Arne Løvøy, Moltustranda i Herøy. Magnar f. 1927 g. på bruket. Sjå også bnr. 13. Erling f. 1929 g.m. Inger Jarnes. Sjå Riksheim. Lars f. 1932. Møbeltapetserar.

Ole Martinusen var i USA frå 1911 til 1918. Utvs. nr. 378. Då han kom heim, gjekk han inn i arbeidet med bruket saman med foreldra sine, og det dreiv bruket i lag. I 1926 fekk Ole skøyte på garden frå far sin for 4.500 kroner og kår til foreldra. Frårekna frå salet var halvparten av plassen Åragjerdet. Ole og Johanne la ned eit stort arbeid på bruket. Dei sette opp nytt stovehus i 1930, og ny løe i 1936. Gjennom åra ol dei fram ein gild buskap, og Johanne og Ole har fleire gonger fått diplom med premi for godt fjøs- og mjølkestell. Dei hadde også følmerrar, og Ole var mest årvisst på utstillingar med ungøyker som han ol fram. Ei tid dreiv han fiskja om vintrane, først saman med bror sin Ingebrigt, seinare saman med den kjende storfiskaren Jo-Lars på Alnes. Ole har også drive med bygningsarbeid. Etter at han slutta med garden har han vore i arbeid på snikkarverkstaden til sonen Magnar.

Ole Martinussen har hatt mange kulturelle interesser. I ungdomstida var han aktiv medlem i Velledalen frilynde ungdomslag, lenge som formann. I Velledalen blandakor var han medlem frå konfirmasjonsalderen til han var ca. 65 år gamal. Han vart også mykje nytta som kjøkemeister, og varta då opp med mange av dei gamle kjøkemeistervisene og folketonane. På denne måten bar han gamal tradisjon og kulturarv til nye generasjonar.

Sonen

*Magnar Olsen Fet* f. 1927 g. 1953 m. Margit Olsdr. Fet frå Jørngarden f. 1929. Br. frå 1961.

Born: Ole Jostein f. 1955. Eli Johanne f. 1957. Øyvind Arne f. 1960.

Magnar og Margit tok over bruket i 1961. Dei første to åra dreiv dei mjølkeproduksjon, seinare gjekk dei over til kjøtproduksjon. Alt frå ungdomsåra har Magnar arbeidt i møbelindustrien, og frå 1952 har han drive eigen trevarefabrikk. Sjå bnr. 13. I yngre år var han ein aktiv idrettsmann, støttespelar på VRF og skihoppar.

Margit Olsdr. var friserdame før ho gifte seg.

NYBØ bnr. 8.

Jobruket bnr. 5 vart delt då enkja etter Peter Olaus Petersen Fet, Johanne Iversdtr., ikkje makta å slite meir med bruket. Son hennar tok over halve bruket. Det var

*Karl Johan Petersen Fet* f. 1890 g. 1918 m. Severine Johansdtr. Brunstad frå Rabben bnr. 13 (f. 1890, d. 1960).

Br. 1916—1959.

Born: Perry f. 1919 g. på bruket. Jon f. 1921 g.m. Oddbjørg Arnesdtr. Hallsteinslid frå Eid. Busett Ikornnes. Lovise f. 1923 g.m. Trygve Flem. Busett Flemsøy. Jenny f. 1926 g.m. Olgar Tusvik. Busett Tusvik. Kasbar f. 1927 g.m. Ida Pålstdtr. Espe. Sjå Fet bnr. 14. Sigurd f. 1927 g.m. Ragnhild Hoff frå Straumgjerde. Busett Langevåg.

Karl har vore 2 gonger på arbeid til USA. Utvs. nr. 391. I 1912, året etter at han var komen til USA, løyste han ut halve Jobruket av Iver Andreassen Velle for 2000 kroner. I 1916 kom Karl att frå USA, og han tok no over og dreiv parten sin. I 1917 vart halvdelen fråskylddelt Jobruket. Det nye bruket fekk namnet Nybø med 2,37 mark i skyld. Karl delte buset i Jogarden første åra. I 1917 bygde han så løe på Nybø og stovehus i 1920. Nybøtunet kom ut frå den tette husklynga på Fet, nærare Fitjavatnet. Husbygginga hadde kosta pengar, og Karl var ein ny tur til USA frå 1923 til 1925. Han har også seinare lagt ned mykje arbeid på bruket, dyrka ca. 15 mål nyland, og teke mykje veiter, for bruket var våtlendt mange stader. Dessutan har det vore mykje arbeid med elveforbygging. På Nybø fødde dei i 1930-åra som oftast 1 hest, 1 unghest, 4—5 mjølkekyr, eit par ungdyr, og 6—8 sauer. Karl har hatt ei serleg interesse for hest, og han har hatt fleire premimerrar. Serleg merka følmerra «Flora» seg ut med sitt uvanleg flotte avkom. «Flora» fekk 1. premi for avkomstgruppa si. Då møtte det fram fleire av døtrene hennar som hadde 1. premi.

Ved sida av arbeidet med bruket har Karl drive bygningsarbeid.

Karl Petersen har hatt djupe kristelegge interesser alt frå unge år. Etter at han kom heim frå USA i 1916, fekk han i gang ei kristeleg ungdomsforening som arbeidde godt i fleire år. Han var også den første som byrja med sundagsskule for borna i Dravlaus skulekrins. Elles har han vore styrelem i indremisjonslaget i Velledalen i lang tid, og gjort mykje for både reisinga av bedehuset og vedlikehaldet.

Sonen

*Perry Karlsen Fet* (f. 1919, d. 1967) g. 1943 m. Kanny Severinsdtr. Longva i Haram f. 1919.

Br. frå 1959.

Born: Kåre f. 1943. Sjø nedafor. Sigbjørn f. 1945, montør ved Sykk. komm. kraftverk. Svein f. 1948, møbeltapetserar. Jan Peter f. 1955. Turid f. 1957.

Perry Karlsen Fet og Kanny fødde 5 mjølkekyr og nokre ungdyr og 7—8 sauer første tida dei dreiv bruket. Dei bygde på stovehuset to gonger, i 1946 og 1955. Perry Fet hadde alt frå 1942 arbeidt i møbelindustrien. Saman med Norvald Fet i Jørngardert bnr. 2 starta dei med produksjon av møblar. Sjø Sanden bnr. 9 (Fet Møbelfabrikk). Perry var salssjef ved fabrikken til 1959 då han byrja som inspektør ved eit symaskinfirma. Det vart mykje reising og slit, og under eit opphald heime fekk han ein dag brått hjartesvikt, og han døydde.

Enkja Kanny sit framleis som brukar, men det er slutt med husdyrhaldet. Eldste sonen har fått skøyte på bruket. Det er

*Kåre P. Fet* f. 1942 g. 1973 m. Liv Jakobsen frå Skudesneshavn.

Kåre Fet gjekk først underoffiserskulen, så byrja han som flygar, var m.a. 14 mnd. i Canada, og heldt fram med utdanninga i Norge seinare. Han er no løytnant og instruktør i flyvåpenet (jagarflygar) og busett p.t. i Stavanger. Kona hans, Liv, er husstelllærar.

SANDEN bnr. 9 (Fet Møbelfabrikk),

Tomta utskild frå Nilsbruket bnr. 1 i 1946 med skyld 0,01 mark. Det var Norvald Olsen Fet frå Jørngarden bnr. 2 og Perry Karlsen Fet frå Nybø bnr. 8 som i 1942 gjorde opptaket til fabrikken. Dei byrja å lage møblar i Bøtelkjellaren på Dravlaus i 1942, og hadde 3—4 mann i arbeid. I 1947 sette dei opp fabrikkbygg på denne tomte Sanden, like vest for Fitjarbrua. Seinare skifte Perry Fet yrke, og Norvald Fet tok over fabrikken åleine i 1961. Produksjonen er stoppa møblar. 13 menn og kvinner arbeider i fabrikken i 1974.



FREDLY bnr. 10.

Tomt utskild frå Nilsbruket bnr. 1 i 1950 med skyld 0,01 mark.

*Signe Petersdtr. Fet* frå Nilsgarden (f. 1907, d. 1951) var distriktsgjerdsmor i Sykkylven.

Ho sette opp hus på tomte i 1949, men døydde diverre i ung alder etter ei trafikkulykke.

Brordottera og mannen hennar har teke over eigedomen. Det er

*Odd Gjersrud* frå Oslo f. 1930 g. 1968 m. Olaug Kari Petersdtr. Fet frå Nilsgarden f. 1942.

Born: Tore f. 1969. Frank f. 1974.

Odd Gjersrud var ei tid i USA. Han har arbeidd ved bilverkstader og har oppretting av karosseri som sitt serlege arbeidsfelt. Olaug Kari har sysla med rosemåling ved sida av arbeidet som husmor.

LJOSHEIM bnr. 12.

Tomt utskild frå Jørnbruket bnr. 2 i 1952 med skyld 0,01 mark.

*Johan Neset* frå Haus f. 1914 g. 1943 m. Borghild Olsdtr. Fet frå Jørngarelen f. 1916.

Born: Sveinung f. 1945, kand. filol., g. 1973 m. Bente Helle frå Sauda. Liv Berit f. 1948 g. 1973 m. Villy Strømmen frå Namsos.

Johan Neset gjekk lærarskulen på Stord og tok eksamen i 1942. Han var først lærar i Haukeland i Haus, seinare i Tafjord. Frå 1947 var han lærar i Dravlaus krins, og heldt fram ved den nye skulen for heile Velledalen på Dalemyra der han var skulestyrar frå 1964 til 1975 då han slutta. Han har hatt mange tillitspostar i lærarkollegiet i bygda og har m.a. vore formann i lærarrådet. Borghild Neset har vore interessert i ættegransking, og har m.a. gitt forfattaren av denne boka mange verdfulle opplysningar.

Johan og Borghild Neset bygde hus på denne tomte i 1952.

FLØTEN bnr. 13.

MAGNAR FET TREVAREFABRIKK.

Tomta vart utskild frå Hansbruket bnr. 3 i 1960 med skyld 0,01 mark. Magnar Fet (Sjå Martinesgarden bnr. 6) sette opp fabrikkbygg her i 1960. Han hadde arbeidd i industrien alt frå ungdomstida, først på Fet Møbelfabrikk (bnr. 8), seinare ved Peter Fet

NILS-SELET PÅ FITJASTØLEN I 1919.

*Frå venstre: Ole Brunstad og K. Inger med borna Karsten og Lina, Anna Fredriksdtr. Fet, Signe P. Fet, Peter P. Fet og Berte, seinare gift med Ole Brudevold.*

Trevarefabrikk (under bnr. 1) til han i 1952 byrja med eigen tre-vareverkstad i kjellaren i huset til far sin, Ole M. Fet på bnr. 6. Der hadde han verksemda til han kunne flytte inn i nye og større lokale på Fløten. Her er 5 mann i arbeid, og produksjonen er treverk for lenestolar.

FREDHEIM bnr. 14.

Bustadtomt utskild frå Nybu bnr. 8 i 1960 med skyld 0,01 mark.

*Kasbar Karlsen Fet* frå Nybø bnr. 8, f. 1927 g. 1954 m. Ida Pålsdtr. Espe frå Hornindal f. 1925, Born: Karsten f. 1955. Mona Kristin f. 1957. Pål Rune f. 1961. Steinar f. 1965.

Kasbar bygde hus på tomta i 1961. Han har arbeidt som mø-beltapetserar frå ungdomstida. I fritida si har han lagt ned eit sers verdfullt arbeid for å auke fiskesetnaden i Fitjavassdraget gjennom innsats i mange år for grunneigarlaget sitt klekkeri og innsamling av stamfisk.